



DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

# Prop. 101 L

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

Lov om fastsetjing og endring av eigedoms-  
og rettshøve på fast eigedom m.m.  
(jordskiftelova)



DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

# Prop. 101 L

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

Lov om fastsetjing og endring av egedoms-  
og rettshøve på fast egedom m.m.  
(jordskiftelova)

## Oversikt over innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen .....	17	10	Grensefastsetjing .....	207
2	Bakgrunnen for lovforslaget ....	31	11	Skjønn og andre avgjerder etter andre lover .....	219
3	Jordskiftelovgivinga i Noreg (tidlegare og gjeldande rett) ....	41	12	Reglane om saksbehandling ....	258
4	Rettsstilstanden i andre land ....	54	13	Sakskostnader og kostnader til sakkunnig hjelp med meir ..	341
5	Behovet for lovendringar .....	55	14	Rettsmiddelordninga .....	367
6	Endringar som gjeld namnet på lova, formålet, verke- området, definisjonar, saks- innhald og sakstilknytning .....	73	15	Ymse reglar, overgangsreglar og ikraftsetjing .....	404
7	Endringar med omsyn til organiseringa av domstolen .....	88	16	Økonomiske og administrative følgjer av lovforslaget .....	410
8	Jordskifte og fordeling av planskapt netto verdiauke med vidare .....	113	17	Spesialmerknader til lovforslaget .....	414
9	Rettsutgreiing .....	199		Forslag til lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova) .....	496



## Detaljert innhald

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen</b> .....	17	5.2.1	Uttalar om behovet for endringar i systematikken i lova .....	57
1.1	Hovudformålet med proposisjonen .....	17	5.2.2	Uttalar om behovet for endringar i reglane om saksbehandling .....	60
1.2	Samandrag .....	19	5.2.3	Uttalar om behovet for endringar i materielle reglar .....	60
<b>2</b>	<b>Bakgrunnen for lovforslaget</b> ....	31	5.2.4	Uttalar om behovet for endringar i terminologi og omgrep .....	62
2.1	Innleiing .....	31	5.2.5	Uttalar om behovet for endringar i rettsmiddelordninga .....	63
2.2	Arbeidet med høyringsforslaget ..	31	5.3	Departementets vurderingar .....	65
2.2.1	Mandatet til arbeidsgruppa .....	31	5.3.1	Behovet for endringar i systematikken i lova .....	65
2.2.2	Arbeidsgruppa .....	32	5.3.2	Behovet for endringar i reglane om saksbehandling .....	66
2.2.3	Referansegruppa .....	32	5.3.3	Behovet for endringar i materielle reglar (kompetansen jordskifte- retten har) .....	67
2.2.4	Arbeidet med høyringsforslaget ..	32	5.3.3.1	Behovet for endringar – Jordskifte .....	67
2.2.5	Høyringa .....	33	5.3.3.2	Behovet for endringar – Grensefastsetjing .....	68
2.2.6	Innhaldet i høyringsuttalane .....	34	5.3.3.3	Behovet for endringar – Rettsutgreiing .....	69
2.3	Konsultasjon med Sametinget og Norske Reindriftsamers Landsforbund .....	38	5.3.3.4	Behovet for endringar – Skjønn ....	69
<b>3</b>	<b>Jordskiftelovgivinga i Noreg (tidlegare og gjeldande rett)</b> ....	41	5.3.4	Behovet for endringar i terminologi og omgrep .....	70
3.1	Innleiing .....	41	5.3.4.1	Jordskifteområdet .....	70
3.2	Tidlegare jordskiftelovgiving .....	41	5.3.4.2	Jordskifteavgjerd .....	70
3.3	Någjeldande jordskiftelovgiving ...	41	5.3.4.3	Jordskifteløysing .....	70
3.3.1	Formålet med jordskiftelovgivinga .....	41	5.3.4.4	Grensefastsetjing .....	70
3.3.2	Kva jordskifte er .....	41	5.3.4.5	Skjønn og andre avgjerder etter andre lover .....	71
3.3.3	Jordskiftedomstolane .....	42	5.3.4.6	Omgrepsbruk i andre lover .....	71
3.3.4	Avgjerdsformer jordskifteretten nyttar seg av .....	43	5.3.5	Behovet for endringar i rettsmiddelordninga .....	71
3.3.5	Nærare om jordskifte, grensegang, rettsutgreiing og skjønn .....	43	5.3.6	Andre endringar .....	72
3.3.6	Reglar om saksbehandling (prosessreglar) .....	48			
3.3.7	Gjeldande rettsmiddelordning .....	50			
3.3.8	Kostnader .....	52			
<b>4</b>	<b>Rettsstilstanden i andre land</b> ....	54			
<b>5</b>	<b>Behovet for lovendringar</b> .....	55	<b>6</b>	<b>Endringar som gjeld namnet på lova, formålet, verkeområdet, definisjonar, saksinnhald og sakstilknytning</b> .....	73
5.1	Høyringsforslaget .....	55	6.1	Bør lova få nytt namn .....	73
5.1.1	Behovet for endring av systematikken i lova .....	55	6.1.1	Høyringsforslaget .....	73
5.1.2	Behovet for endringar i reglane om saksbehandling .....	56	6.1.2	Høyringsinstansane .....	73
5.1.3	Behovet for endringar i materielle reglar .....	56	6.1.3	Departementets vurderingar .....	73
5.1.4	Behovet for endringar i terminologi og omgrep .....	56	6.2	Formålet med lova .....	74
5.1.5	Behovet for endringar i rettsmiddelordninga .....	57	6.2.1	Høyringsforslaget .....	74
5.2	Høyringsinstansane .....	57	6.2.2	Høyringsinstansane .....	74
			6.2.3	Departementets vurderingar .....	76
			6.3	Verkeområdet til lova .....	76
			6.3.1	Høyringsforslaget .....	76

6.3.2	Høyringsinstansane .....	76	7.4.6.1	Høyringsforslaget .....	96
6.3.3	Departementets vurderingar .....	77	7.4.6.2	Høyringsinstansane .....	96
6.4	Definisjonar .....	78	7.4.6.3	Departementets vurderingar .....	96
6.4.1	Høyringsforslaget .....	78	7.5	Krav til jordskiftedommarane .....	96
6.4.2	Høyringsinstansane .....	78	7.5.1	Lovregulering av krav til	
6.4.3	Departementets vurderingar .....	81		dømmende personell .....	96
6.5	Kva det kan reisast sak om og		7.5.1.1	Høyringsforslaget .....	96
	kven som kan reise sak (søksmåls-		7.5.1.2	Høyringsinstansane .....	96
	gjenstand og partstilknytning) .....	82	7.5.1.3	Departementets vurderingar .....	97
6.5.1	Høyringsforslaget .....	82	7.5.2	Jordskiftefagleg utdanning .....	97
6.5.2	Høyringsinstansane .....	82	7.5.2.1	Høyringsforslaget .....	97
6.5.3	Departementets vurderingar .....	83	7.5.2.2	Høyringsinstansane .....	97
			7.5.2.3	Departementets vurderingar .....	97
<b>7</b>	<b>Endringar med omsyn til</b>		7.5.3	Krav til karakternivå .....	98
	<b>organiseringa av domstolen</b> .....	88	7.5.3.1	Høyringsforslaget .....	98
7.1	Strukturen i kapittel 2		7.5.3.2	Høyringsinstansane .....	98
	i lovforslaget .....	88	7.5.3.3	Departementets vurderingar .....	98
7.1.1	Høyringsforslaget .....	88	7.5.4	Krav til alder .....	98
7.1.2	Høyringsinstansane .....	88	7.5.4.1	Høyringsforslaget .....	98
7.1.3	Departementets vurderingar .....	88	7.5.4.2	Høyringsinstansane .....	98
7.2	Inndeling i jordskiftesokn		7.5.4.3	Departementets vurderingar .....	98
	(verneting) .....	89	7.5.5	Oppheving av utdannings-	
7.2.1	Høyringsforslaget .....	89		monopol .....	99
7.2.2	Høyringsinstansane .....	89	7.5.5.1	Høyringsforslaget .....	99
7.2.3	Departementets vurderingar .....	89	7.5.5.2	Høyringsinstansane .....	99
7.3	Tilhøvet til domstollova .....	89	7.5.5.3	Departementets vurderingar .....	99
7.3.1	Høyringsforslaget .....	89	7.5.6	Samisk språk og kultur .....	99
7.3.2	Høyringsinstansane .....	89	7.5.6.1	Høyringsforslaget .....	99
7.3.3	Departementets vurderingar .....	89	7.5.6.2	Høyringsinstansane .....	99
7.4	Bemanning .....	90	7.5.6.3	Departementets vurderingar .....	100
7.4.1	Kven fastset bemanninga		7.6	Utval av jordskiftemeddommarar	100
	i jordskifteretten .....	90	7.6.1	Høyringsforslaget .....	100
7.4.1.1	Høyringsforslaget .....	90	7.6.2	Høyringsinstansane .....	100
7.4.1.2	Høyringsinstansane .....	90	7.6.3	Departementets vurderingar .....	100
7.4.1.3	Departementets vurderingar .....	90	7.7	Samansetjing av jordskifteretten	
7.4.2	Tal faste embete for jordskifte-			i den enkelte sak .....	101
	dommar .....	90	7.7.1	Jordskiftedommaren som	
7.4.2.1	Høyringsforslaget .....	90		einedommar .....	101
7.4.2.2	Høyringsinstansane .....	90	7.7.1.1	Høyringsforslaget .....	101
7.4.2.3	Departementets vurderingar .....	90	7.7.1.2	Høyringsinstansane .....	101
7.4.3	Tilkalling av jordskiftedommar og		7.7.1.3	Departementets vurderingar .....	102
	oppnemning av jordskiftedommar		7.7.2	Bruk av jordskiftemeddommarar	102
	i den enkelte saka .....	91	7.7.2.1	Høyringsforslaget .....	102
7.4.3.1	Høyringsforslaget .....	91	7.7.2.2	Høyringsinstansane .....	102
7.4.3.2	Høyringsinstansane .....	91	7.7.2.3	Departementets vurderingar .....	102
7.4.3.3	Departementets vurderingar .....	91	7.7.3	Frist for å ta stilling til bruk av	
7.4.4	Jordskiftedommarfullmektigar .....	92		jordskiftemeddommarar .....	102
7.4.4.1	Høyringsforslaget .....	92	7.7.3.1	Høyringsforslaget .....	102
7.4.4.2	Høyringsinstansane .....	92	7.7.3.2	Høyringsinstansane .....	103
7.4.4.3	Departementets vurderingar .....	93	7.7.3.3	Departementets vurderingar .....	103
7.4.5	Teknisk personale .....	93	7.7.4	Fleire enn to jordskiftemed-	
7.4.5.1	Høyringsforslaget .....	93		dommarar .....	103
7.4.5.2	Høyringsinstansane .....	94	7.7.4.1	Høyringsforslaget .....	103
7.4.5.3	Departementets vurderingar .....	95	7.7.4.2	Høyringsinstansane .....	103
7.4.6	Leiing av jordskifterett .....	96	7.7.4.3	Departementets vurderingar .....	103

7.7.5	Samansetjinga av jordskifteretten ved behandling av saker etter lovforslaget §§ 5-1 til 5-3 (skjønn og andre avgjerder i samband med sak for jordskifterett) .....	104	7.9.2	Høyingsinstansane .....	109
7.7.5.1	Høyingsforslaget .....	104	7.9.3	Departementets vurderingar .....	109
7.7.5.2	Høyingsinstansane .....	104	7.10	Organisatoriske følgjer av overgangen til ein rettsmiddelinstans .....	109
7.7.5.3	Departementets vurderingar .....	104	7.10.1	Kvar reglane om lagmannsretten skal stå .....	110
7.7.6	Varajordskiftemeddommar og varajordskiftedommar kan følgje saka .....	105	7.10.1.1	Høyingsforslaget .....	110
7.7.6.1	Høyingsforslaget .....	105	7.10.1.2	Høyingsinstansane .....	110
7.7.6.2	Høyingsinstansane .....	105	7.10.1.3	Departementets vurderingar .....	110
7.7.6.3	Departementets vurderingar .....	105	7.10.2	Tilføyingar i domstollova som følgje av ny rettsmiddelordning ....	110
7.7.7	Skjønn som eiga sak etter §§ 5-4 og 5-5 kan ikkje utvidast til å omfatte sak etter kapittel 3 ...	105	7.10.2.1	Høyingsforslaget .....	110
7.7.7.1	Høyingsforslaget .....	105	7.10.2.2	Høyingsinstansane .....	110
7.7.7.2	Høyingsinstansane .....	105	7.10.2.3	Departementets vurderingar .....	110
7.7.7.3	Departementets vurderingar .....	106	7.10.3	Endringar i domstollova som følgje av at jordskifteoverrettane fell bort .....	111
7.7.8	Avgjerd om bruk av jordskifte-meddommarar, varajordskifte-meddommarar og varajordskiftedommarar kan ikkje ankast .....	106	7.10.3.1	Høyingsforslaget .....	111
7.7.8.1	Høyingsforslaget .....	106	7.10.3.2	Høyingsinstansane .....	111
7.7.8.2	Høyingsinstansane .....	106	7.10.3.3	Departementets vurderingar .....	111
7.7.8.3	Departementets vurderingar .....	106	7.10.4	Godkjenning av utdanning i utlandet .....	112
7.8	Oppnemning av jordskiftemeddommarar og varajordskiftemeddommarar .....	107	7.10.4.1	Høyingsforslaget .....	112
7.8.1	Oppnemning av jordskiftemeddommarar og varajordskiftemeddommarar .....	107	7.10.4.2	Høyingsinstansane .....	112
7.8.1.1	Høyingsforslaget .....	107	7.10.4.3	Departementets vurderingar .....	112
7.8.1.2	Høyingsinstansane .....	107	<b>8</b>	<b>Jordskifte og fordeling av planskapt netto verdiauke med vidare .....</b>	<b>113</b>
7.8.1.3	Departementets vurderingar .....	107	8.1	Innleiing .....	113
7.8.2	Oppnemning av jordskiftemeddommar for eitt rettsmøte på visse vilkår .....	107	8.2	Strukturen i lovforslaget kapittel 3 .....	113
7.8.2.1	Høyingsforslaget .....	107	8.2.1	Høyingsforslaget .....	113
7.8.2.2	Høyingsinstansane .....	108	8.2.2	Høyingsinstansane .....	114
7.8.2.3	Departementets vurderingar .....	108	8.2.3	Departementets vurderingar .....	114
7.8.3	Krav til jordskifte-meddommarane .....	108	8.3	Ord og uttrykk i lovforslaget kapittel 3 .....	114
7.8.3.1	Høyingsforslaget .....	108	8.3.1	Høyingsforslaget .....	114
7.8.3.2	Høyingsinstansane .....	108	8.3.2	Høyingsinstansane .....	114
7.8.3.3	Departementets vurderingar .....	108	8.3.3	Departementets vurderingar .....	115
7.8.4	Binding til administrative grenser ved oppnemning .....	108	8.4	Jordskifte og disposisjonsprinsippet .....	115
7.8.4.1	Høyingsforslaget .....	108	8.4.1	Høyingsforslaget .....	115
7.8.4.2	Høyingsinstansane .....	108	8.4.2	Høyingsinstansane .....	115
7.8.4.3	Departementets vurderingar .....	108	8.4.3	Departementets vurderingar .....	116
7.9	Innprenting og lovnad .....	109	8.5	Jordskifte og omskiping og avskipping etter servitutlova .....	116
7.9.1	Høyingsforslaget .....	109	8.5.1	Høyingsforslaget .....	116
			8.5.2	Høyingsinstansane .....	116
			8.5.3	Departementets vurderingar .....	117
			8.5.3.1	Kompetanse etter gjeldande reglar .....	117
			8.5.3.2	Behovet for endringar .....	118

8.5.3.3	Forslaget om å gjere omskipling og avskipping etter servituttlova til verkemiddel i jordskifte .....	118	8.12	Opplysning av sameige og sambruk mellom eigedommar.	
8.6	Jordskifte og reindrift .....	119	8.12.1	Deling av eigedom .....	133
8.6.1	Høyringsforslaget .....	119	8.12.2	Høyringsinstansane .....	133
8.6.2	Høyringsinstansane .....	119	8.12.3	Departementets vurderingar .....	134
8.6.3	Departementets vurderingar .....	120	8.12.3.1	Gjeldande reglar .....	134
8.6.3.1	Gjeldande rett .....	120	8.12.3.2	Opplysning av sameige og sambruk mellom eigedommar .....	134
8.6.3.2	Omforming, byte av rettar og avløyning .....	121	8.12.3.3	Deling av eigedom .....	135
8.6.3.3	Bruksordning .....	121	8.12.3.4	Gjeldande jordskiftelov § 27 og sameigelova § 2 .....	135
8.7	Kva verkemiddel jordskifteretten kan bruke .....	121	8.12.3.5	Tilhøvet til forboda mot deling i jordlova og plan- og bygningslova .....	136
8.7.1	Høyringsforslaget .....	121	8.12.3.6	Negative servituttar .....	136
8.7.2	Høyringsinstansane .....	121	8.12.3.7	«Blanda» sameiger .....	136
8.7.3	Departementets vurderingar .....	121	8.13	Reglar om sambruk (bruksordning) .....	136
8.7.3.1	Heimel for kompetanse .....	121	8.13.1	Innleiing .....	136
8.7.3.2	Plassering av kompetanseheimlar .....	122	8.13.2	Generell heimel for å gi eller andre reglar om bruk ved sambruk mellom eigedommar .....	137
8.7.3.3	Nærare om kva verkemiddel jordskifteretten kan bruke for å bøte på utenlege eigedomstilhøve – jordskifte .....	122	8.13.2.1	Høyringsforslaget .....	137
8.8	Utenlege eigedomstilhøve .....	123	8.13.2.2	Høyringsinstansane .....	137
8.8.1	Høyringsforslaget .....	123	8.13.2.3	Departementets vurderingar .....	138
8.8.2	Høyringsinstansane .....	123	8.13.2.4	Særleg om oppheving av gjeldande jordskiftelov § 35 .....	139
8.8.3	Departementets vurderingar .....	124	8.13.3	Fastsetjing av reglar om sambruk der det ikkje er sambruk frå før ....	140
8.9	Meir tenlege eigedomstilhøve i jordskifteområdet .....	126	8.13.3.1	Høyringsforslaget .....	140
8.9.1	Høyringsforslaget .....	126	8.13.3.2	Høyringsinstansane .....	140
8.9.2	Høyringsinstansane .....	126	8.13.3.3	Departementets vurderingar .....	140
8.9.3	Departementets vurderingar .....	127	8.13.4	Reglar for beite i allmenningar, bruksordning i reindrift .....	141
8.10	Ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett .....	127	8.13.4.1	Høyringsforslaget .....	141
8.10.1	Høyringsforslaget .....	127	8.13.4.2	Høyringsinstansane .....	141
8.10.2	Høyringsinstansane .....	127	8.13.4.3	Departementets vurderingar .....	141
8.10.3	Departementets vurderingar .....	128	8.13.5	Kva reglar om sambruk kan gå ut på .....	141
8.10.3.1	Omforming av eigedom og bruksrett .....	128	8.13.5.1	Høyringsforslaget .....	141
8.10.3.2	Forslag til endringar i høve til gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b .....	129	8.13.5.2	Høyringsinstansane .....	141
8.10.3.3	Forslag til endringar i høve til gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav i .....	129	8.13.5.3	Departementets vurderingar .....	142
8.10.3.4	Endringar i høve til gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav d .....	130	8.13.6	Heimel for å gi reglar om sambruk for visse personlege sameige .....	142
8.10.3.5	Endringar knytt til lovforslaget § 3-4 andre ledd .....	130	8.13.6.1	Høyringsforslaget .....	142
8.11	Skipling av sameige .....	131	8.13.6.2	Høyringsinstansane .....	143
8.11.1	Høyringsforslaget .....	131	8.13.6.3	Departementets vurderingar .....	143
8.11.2	Høyringsinstansane .....	131	8.13.7	Reglar for sambruk av uteareala til eigarseksjonar .....	144
8.11.3	Departementets vurderingar .....	132	8.13.7.1	Høyringsforslaget .....	144
			8.13.7.2	Høyringsinstansane .....	144
			8.13.7.3	Departementets vurderingar .....	144



8.14	Pålegg om felles tiltak, og pålegg om felles investeringar .....	144	8.21	Kva jordskifteløysinga kan gå ut på .....	165
8.14.1	Høyringsforslaget .....	144	8.21.1	Høyringsforslaget .....	165
8.14.2	Høyringsinstansane .....	145	8.21.2	Høyringsinstansane .....	165
8.14.3	Departementets vurderingar .....	145	8.21.3	Departementets vurderingar .....	165
8.15	Etablering av lag og fastsetjing av vedtekter .....	147	8.22	Føresegner og løyve .....	165
8.15.1	Høyringsforslaget .....	147	8.22.1	Høyringsforslaget .....	165
8.15.2	Høyringsinstansane .....	148	8.22.2	Høyringsinstansane .....	165
8.15.3	Departementets vurderingar .....	149	8.22.3	Departementets vurderingar .....	166
8.15.3.1	Innleiing .....	149	8.23	Vern mot tap .....	166
8.15.3.2	Etablere lag .....	149	8.23.1	Høyringsforslaget .....	166
8.15.3.3	Driftsselskap .....	150	8.23.2	Høyringsinstansane .....	167
8.15.3.4	Ansvarstilhøvet i lag etablert av jordskifteretten .....	151	8.23.3	Departementets vurderingar .....	167
8.15.3.5	Eksempelvedtekter for lag etablert av jordskifteretten .....	151	8.23.3.1	Gjeldande reglar .....	167
8.16	Bruksrettar og andre rettar som er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing .....	151	8.23.3.2	Behovet for reglar om vern mot tap .....	168
8.16.1	Innleiing .....	151	8.23.3.3	Vern mot tap gjeld for eigedom eller bruksrett .....	168
8.16.2	Høyringsforslaget .....	152	8.23.3.4	Vern mot tap når jordskifteretten gir vederlag i pengar eller andre verdjar .....	169
8.16.3	Høyringsinstansane .....	152	8.23.3.5	Skjeringstidspunkt .....	169
8.16.4	Departementets vurderingar .....	153	8.24	Byte av grunn, rettar og andre verdjar i eit jordskifte .....	170
8.16.4.1	Behov for reglar om omskiping og avskipping av rettar i jordskiftelova .....	153	8.24.1	Innleiing .....	170
8.16.4.2	Hovudinnhald i reglar om omskiping og avskipping av rettar etter jordskiftelova .....	154	8.24.2	Korleis jordskifteretten legg ut grunn og bruksrett .....	170
8.16.4.3	Unntak frå kompetansen til å avløyse rettar .....	155	8.24.2.1	Høyringsforslaget .....	170
8.16.4.4	Vederlag ved avløysing av rettar ..	155	8.24.2.2	Høyringsinstansane .....	170
8.17	Grunnlaget for jordskifteløysinga, lovforslaget kapittel 3 del III .....	155	8.24.2.3	Departementets vurderingar .....	172
8.18	Eigedoms- og bruksrettstilhøva ...	156	8.24.3	Utlegging av grunn til særskilte formål .....	174
8.18.1	Høyringsforslaget .....	156	8.24.3.1	Høyringsforslaget .....	174
8.18.2	Høyringsinstansane .....	156	8.24.3.2	Høyringsinstansane .....	174
8.18.3	Departementets vurderingar .....	156	8.24.3.3	Departementets vurderingar .....	174
8.19	Verdsetjing .....	157	8.24.4	Utlegging av grunn og bruksrett som kan endre verdi .....	175
8.19.1	Høyringsforslaget .....	157	8.24.4.1	Høyringsforslaget .....	175
8.19.2	Høyringsinstansane .....	158	8.24.4.2	Høyringsinstansane .....	175
8.19.3	Departementets vurderingar .....	161	8.24.4.3	Departementets vurderingar .....	176
8.19.3.1	Gjeldande reglar om verdsetjing ved byte av areal og rettar .....	161	8.24.5	Utjammingsmåten i samband med overføring av standskog, brenntorv og strøtorv .....	176
8.19.3.2	Behovet for endring .....	161	8.24.5.1	Høyringsforslaget .....	176
8.19.3.3	Oppbygging av reglar i ny jordskiftelov .....	162	8.24.5.2	Høyringsinstansane .....	176
8.19.3.4	Kva jordskifteretten skal verdsetje .....	162	8.24.5.3	Departementets vurderingar .....	177
8.19.3.5	Korleis jordskifteretten skal verdsetje .....	162	8.24.6	Vederlag ved overføring av ulike anlegg og småhus .....	177
8.20	Jordskifteløysinga, lovforslaget kapittel 3 del IV .....	164	8.24.6.1	Høyringsforslaget .....	177
			8.24.6.2	Høyringsinstansane .....	178
			8.24.6.3	Departementets vurderingar .....	178
			8.25	Leigeareal .....	178
			8.25.1	Høyringsforslaget .....	178
			8.25.2	Høyringsinstansane .....	178
			8.25.3	Departementets vurderingar .....	178

8.26	Vederlag ved avlysing av rettar ..	178	8.36.1	Minneleg jordskifte og jordskifte ved valdgift .....	195
8.26.1	Hyringsforslaget .....	178	8.36.1.1	Hyringsforslaget .....	195
8.26.2	Hyringsinstansane .....	178	8.36.1.2	Hyringsinstansane .....	195
8.26.3	Departementets vurderingar .....	178	8.36.1.3	Departementets vurderingar .....	196
8.27	Omsyn ved plegg om felles investeringar .....	179	8.36.2	Utflytting .....	197
8.27.1	Hyringsforslaget .....	179	8.36.2.1	Hyringsforslaget .....	197
8.27.2	Hyringsinstansane .....	179	8.36.2.2	Hyringsinstansane .....	197
8.27.3	Departementets vurderingar .....	179	8.36.2.3	Departementets vurderingar .....	197
8.28	Ansvar for gjeld i lag, og ansvar for kostnader og fordeling av inntekter ved felles tiltak .....	179	8.36.3	Reglar om bruken av vatn, vassdrag og sj .....	197
8.28.1	Hyringsforslaget .....	179	8.36.3.1	Hyringsforslaget .....	197
8.28.2	Hyringsinstansane .....	179	8.36.3.2	Hyringsinstansane .....	197
8.28.3	Departementets vurderingar .....	179	8.36.3.3	Departementets vurderingar .....	197
8.29	Fordeling av planskapt netto verdiauke .....	180	<b>9</b>	<b>Rettsutgreiing</b> .....	199
8.29.1	Hyringsforslaget .....	180	9.1	Innleiing .....	199
8.29.2	Hyringsinstansane .....	180	9.2	Hyringsforslaget .....	199
8.29.3	Departementets vurderingar .....	184	9.3	Hyringsinstansane .....	199
8.29.3.1	Hovudgrep .....	184	9.4	Departementets vurderingar .....	201
8.29.3.2	Jordskifteretten sin kompetanse til å fordele planskapt netto verdiauke .....	185	<b>10</b>	<b>Grensefastsetjing</b> .....	207
8.29.3.3	Korleis jordskifteretten skal verdsetje planskapt netto verdiauke .....	187	10.1	Innleiing .....	207
8.29.3.4	Korleis jordskifteretten skal fordele planskapt netto verdiauke .....	188	10.2	Hyringsforslaget .....	208
8.30	Fare for naturskade .....	189	10.3	Hyringsinstansane .....	208
8.30.1	Hyringsforslaget .....	189	10.3.1	Grensesak, hyringsforslaget § 4-2 .....	208
8.30.2	Hyringsinstansane .....	189	10.3.2	Grensejustering, hyringsforslaget § 4-3 .....	210
8.30.3	Departementets vurderingar .....	189	10.3.3	Fastsetjing av grenser, rettar og anna ved semjedom, hyringsforslaget § 4-4 .....	211
8.31	Reglar for bruken av jordskifteomrdet .....	190	10.3.4	Srlege grensesaker i Nordland, Troms og Finnmark, hyringsforslaget § 4-5 .....	211
8.31.1	Hyringsforslaget .....	190	10.3.5	Srlege reglar for saker etter hyringsforslaget § 4-6 .....	212
8.31.2	Hyringsinstansane .....	190	10.4	Departementets vurderingar .....	212
8.31.3	Departementets vurderingar .....	190	10.4.1	Fr «grensesak» til «grensefastsetjing» .....	212
8.32	Skiping og oppmling av nye matrikkeleiningar .....	191	10.4.2	Ny systematikk .....	212
8.32.1	Hyringsforslaget .....	191	10.4.2.1	Reglar om saksbehandling .....	212
8.32.2	Hyringsinstansane .....	191	10.4.2.2	Kompetansen til jordskifteretten ..	213
8.32.3	Departementets vurderingar .....	191	10.4.2.3	Samansetjinga jordskifteretten har i sak om fastsetjing av grense .....	213
8.33	Frist for iverksetjing av avgjerd ....	192	10.4.2.4	Srlege reglar for nokre grensesaker i Nordland, Troms og Finnmark .....	213
8.33.1	Hyringsforslaget .....	192	10.4.3	Rettsmiddel .....	213
8.33.2	Hyringsinstansane .....	192	10.4.4	Kva er grensefastsetjing etter gjeldande jordskiftelov .....	213
8.33.3	Departementets vurderingar .....	193	10.4.5	Bruk av omgrep .....	214
8.34	Sperretid for nytt jordskifte .....	193	10.4.6	Grensefastsetjing som del av jordskifte og som eiga sak .....	214
8.34.1	Hyringsforslaget .....	193			
8.34.2	Hyringsinstansane .....	193			
8.34.3	Departementets vurderingar .....	193			
8.35	Endringar i andre lover .....	194			
8.36	Verkemiddel og andre reglar som ikkje blir frt vidare .....	195			

10.4.7	Kva jordskifteretten kan fastsetje grenser for .....	215	11.4.2	Høyingsinstansane .....	229
10.4.8	Vilkåra for å avgrense eller avvise sak om grensefastsetjing .....	216	11.4.3	Departementets vurderingar .....	229
10.4.9	Twist om underliggjande rettshøve .....	216	11.5	Kompetansen til jordskifteretten ..	231
10.4.10	Nye reglar om gjerdehald i samband med grensefastsetjing .....	216	11.5.1	Skjønn i samband med tiltaksjordskifte, vernejordskifte med meir ...	231
10.4.11	Grensejustering .....	216	11.5.1.1	Høyingsforslaget .....	231
10.4.12	Allmenningar og grenser i vassdrag .....	217	11.5.1.2	Høyingsinstansane .....	231
10.4.13	Særlige saker om grensefastsetjing i Nordland, Troms og Finnmark .....	217	11.5.1.3	Departementets vurderingar .....	232
10.4.14	Saker der jordskifteretten skipar ei ny matrikkeleining .....	217	11.5.2	Skjønn og andre avgjerder etter reindriftslova .....	234
<b>11</b>	<b>Skjønn og andre avgjerder etter andre lover .....</b>	<b>219</b>	11.5.2.1	Høyingsforslaget .....	234
11.1	Omgrepet skjønn .....	219	11.5.2.2	Høyingsinstansane .....	234
11.1.1	Høyingsforslaget .....	219	11.5.2.3	Departementets vurderingar .....	235
11.1.2	Høyingsinstansane .....	219	11.5.3	Vegskjønn .....	237
11.1.3	Departementets vurderingar .....	219	11.5.3.1	Høyingsforslaget .....	237
11.2	Systematikk .....	220	11.5.3.2	Høyingsinstansane .....	237
11.2.1	Høyingsforslaget .....	220	11.5.3.3	Departementets vurderingar .....	238
11.2.2	Høyingsinstansane .....	220	11.5.4	Skiping av taubanar og løypestrengar mv. ....	241
11.2.3	Departementets vurderingar .....	221	11.5.4.1	Høyingsforslaget .....	241
11.2.3.1	Eige kapittel for skjønn og andre avgjerder etter andre lover .....	221	11.5.4.2	Høyingsinstansane .....	241
11.2.3.2	Skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett og som eiga sak .....	221	11.5.4.3	Departementets vurderingar .....	242
11.2.3.3	Skjønn i samband med tiltaksjordskifte og vernejordskifte .....	222	11.5.5	Tiltak som gjeld grøfter, kanalar, vass- og kloakkleidningar .....	242
11.2.3.4	Kompetansen til jordskifteretten skal gå fram både av jordskiftelov og av særlov .....	222	11.5.5.1	Høyingsforslaget .....	242
11.2.3.5	Avtaleskjønn .....	222	11.5.5.2	Høyingsinstansane .....	242
11.2.3.6	Skjønn og andre avgjerder etter reindriftslova .....	223	11.5.5.3	Departementets vurderingar .....	243
11.3	Parallell kompetanse .....	223	11.5.6	Gjerdeplikt og deling av gjerdehaldet med vidare .....	245
11.3.1	Kva er parallell kompetanse .....	223	11.5.6.1	Høyingsforslaget .....	245
11.3.2	Kven kan halde skjønn .....	223	11.5.6.2	Høyingsinstansane .....	245
11.3.3	I kva for situasjonar har tingrett, jordskifterett og «lensmannskjønn» parallell kompetanse .....	223	11.5.6.3	Departementets vurderingar .....	245
11.3.4	Bør jordskifteretten ha eksklusiv kompetanse .....	224	11.5.7	Lov 29. november 1968 um særlege råderettar over framand eigeidom .....	247
11.3.4.1	Høyingsforslaget .....	224	11.5.7.1	Høyingsforslaget .....	247
11.3.4.2	Høyingsinstansane .....	224	11.5.7.2	Høyingsinstansane .....	247
11.3.4.3	Departementets vurderingar .....	226	11.5.7.3	Departementets vurderingar .....	248
11.4	Stadleg avgrensing .....	229	11.6	Ny kompetanse til jordskifteretten, avgjerder etter beitelova .....	251
11.4.1	Høyingsforslaget .....	229	11.6.1	Høyingsforslaget .....	251
			11.6.2	Høyingsinstansane .....	251
			11.6.3	Departementets vurderingar .....	251
			11.7	Reglar om saksbehandling .....	252
			11.7.1	Høyingsforslaget .....	252
			11.7.2	Høyingsinstansane .....	252
			11.7.3	Departementets vurderingar .....	253
			11.7.3.1	Skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett .....	253
			11.7.3.2	Skjønn og andre avgjerder etter andre lover som eiga sak .....	254
			11.7.3.3	Reglar om saksbehandling for skjønn etter reindriftslova behandla av jordskifteretten .....	254

11.8	Tvist .....	255	12.3.5	Rapportering og tinglysing .....	314
11.8.1	Høyringsforslaget .....	255	12.3.5.1	Rapportering til matrikkel- myndigheita .....	314
11.8.2	Høyringsinstansane .....	255	12.3.5.2	Tinglysing .....	315
11.8.3	Departementets vurderingar .....	256	12.4	Nærare om visse sentrale delar av tvistelova som ikkje blir gjort gjeldande for saksbehandlinga i jordskifterettane .....	317
<b>12</b>	<b>Reglane om saksbehandling ....</b>	<b>258</b>	12.4.1	Reglane i tvistelova om dei grunnleggjande føresetnadene for sak .....	317
12.1	Hovudprinsippa for reglane om saksbehandling og tilhøvet til tvistelova .....	258	12.4.1.1	Høyringsforslaget .....	317
12.1.1	Høyringsforslaget .....	258	12.4.1.2	Høyringsinstansane .....	318
12.1.2	Høyringsinstansane .....	259	12.4.1.3	Departementets vurderingar .....	319
12.1.3	Departementets vurderingar .....	259	12.4.2	Tvistelova kapittel 4, om sakleg og stadleg domsmakt .....	319
12.2	Tilhøvet til tvistelova og skjønns- prosesslova .....	262	12.4.2.1	Høyringsforslaget .....	319
12.2.1	Lovteknisk løysing .....	262	12.4.2.2	Høyringsinstansane .....	320
12.2.1.1	Høyringsforslaget .....	262	12.4.2.3	Departementets vurderingar .....	320
12.2.1.2	Høyringsinstansane .....	263	12.4.3	Tvistelova kapittel 5, om plikter partane har før det blir reist sak ...	321
12.2.1.3	Departementets vurderingar .....	265	12.4.3.1	Høyringsforslaget .....	321
12.3	Reglane om saksbehandling i den nye jordskiftelova .....	266	12.4.3.2	Høyringsinstansane .....	321
12.3.1	Førebuing av saka .....	266	12.4.3.3	Departementets vurderingar .....	321
12.3.1.1	Krav om sak. Formkrav og innhaldskrav .....	266	12.4.4	Tvistelova kapittel 6, om behand- linga i forliksrådet .....	322
12.3.1.2	Aktiv saksstyring og planlegging .	269	12.4.4.1	Høyringsforslaget .....	322
12.3.1.3	Avgjerd om vilkåra for å reise sak er til stades, og om saks- behandlinga .....	272	12.4.4.2	Høyringsinstansane .....	322
12.3.1.4	Merknader frå partane til sakskravet og saksbehandlinga ...	278	12.4.4.3	Departementets vurderingar .....	324
12.3.1.5	Sakleg og geografisk avgrensing av sakene .....	279	12.4.5	Tvistelova kapittel 10, om små- kravprosessen .....	325
12.3.2	Rettsmøte .....	281	12.4.5.1	Høyringsforslaget .....	325
12.3.2.1	Innkalling til rettsmøte. Plikt til å møte og forklare seg .....	281	12.4.5.2	Høyringsinstansane .....	325
12.3.2.2	Reglar for saksbehandlinga i rettsmøte .....	285	12.4.5.3	Departementets vurderingar .....	326
12.3.2.3	Rettsbøker .....	288	12.4.6	Tvistelova § 12-1 (4), om habiliteten til dommarane ved bistand med prosesskriv .....	327
12.3.3	Generelle reglar .....	289	12.4.6.1	Høyringsforslaget .....	327
12.3.3.1	Grunnlaget for avgjerdene .....	289	12.4.6.2	Høyringsinstansane .....	328
12.3.3.2	Bevis .....	291	12.4.6.3	Departementets vurderingar .....	328
12.3.3.3	Rettleiing av partane .....	293	12.4.7	Tvistelova kapittel 16, unntak for kapittel 16 IV om stansing .....	328
12.3.3.4	Minneleg løysing av saker for jordskifteretten. Mekling .....	294	12.4.7.1	Høyringsforslaget .....	328
12.3.3.5	Framlegging av forslag til jordskifteavgjerd og fastsetjing av grenser, rettar og anna .....	297	12.4.7.2	Høyringsinstansane .....	328
12.3.4	Rettslege avgjerder og rettsforlik med meir .....	302	12.4.7.3	Departementets vurderingar .....	329
12.3.4.1	Rettslege avgjerder. Avgjerd- formene .....	302	12.4.8	Tvistelova § 18-4, om fråfall av søksmål .....	330
12.3.4.2	Innhaldet i avgjerdene .....	308	12.4.8.1	Høyringsforslaget .....	330
12.3.4.3	Rettsforlik .....	310	12.4.8.2	Høyringsinstansane .....	330
12.3.4.4	Tvangskraft og rettskraft .....	311	12.4.8.3	Departementets vurderingar .....	331
12.3.4.5	Merking og koordinatfesting av grenser .....	313	12.4.9	Tvistelova § 19-4 første ledd, om avseiing av rettslege avgjerder ....	332
			12.4.9.1	Høyringsforslaget .....	332
			12.4.9.2	Høyringsinstansane .....	332
			12.4.9.3	Departementets vurderingar .....	332

12.4.10	Tvistelova kapitla 32 til 37, om midlertidig sikring og særlege prosessformer .....	333	13.4.3	Sakskostnader som følge av trekking av sak, avvising med vidare .....	350
12.4.10.1	Høyringsforslaget .....	333	13.4.3.1	Sakskostnader når saka blir trekt .....	350
12.4.10.2	Høyringsinstansane .....	333	13.4.3.2	Sakskostnader når sak blir avvist på grunn av formfeil .....	351
12.4.10.3	Departementets vurderingar .....	333	13.4.3.3	Sakskostnader når jordskifte blir avvist av materielle grunnar .....	352
12.5	Bortfall av vedtak om fremjing .....	333	13.4.3.4	Sakskostnader som skuldast for seine krav eller opplysningar .....	353
12.5.1	Høyringsforslaget .....	333	13.4.3.5	Sakskostnader knytt til visse eigedommar eller partar .....	353
12.5.2	Høyringsinstansane .....	333	13.4.3.6	Ingen regel om sakskostnader til det offentlege .....	354
12.5.3	Departementets vurderingar .....	337	13.5	Kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp .....	354
12.6	Oppsummering av tilhøvet til tvistelova .....	339	13.5.1	Kvar part ber eigne kostnader .....	354
12.7	Saksbehandlinga i skjønssaker og andre avgjerder etter andre lover, og i ankebehandlinga .....	340	13.5.1.1	Høyringsforslaget .....	354
<b>13</b>	<b>Sakskostnader og kostnader til sakkunnig hjelp med meir .....</b>	<b>341</b>	13.5.1.2	Høyringsinstansane .....	354
13.1	Innleiing .....	341	13.5.1.3	Departementets vurderingar .....	354
13.1.1	Innhaldet i kapitlet .....	341	13.5.2	Erstatning for kostnader til retts- hjelp og til anna sakkunnig hjelp ..	355
13.1.2	Prinsippa bak føresegnene om kostnader .....	341	13.5.2.1	Ved dom i tvist .....	355
13.1.3	Strukturen i kapitlet .....	342	13.5.2.2	Erstatning for kostnader til retts- hjelp og til anna sakkunnig hjelp i visse saker .....	357
13.2	Sakskostnader .....	342	13.5.2.3	Erstatning for kostnader til retts- hjelp og anna sakkunnig hjelp ved trekking og avvising av sak .....	358
13.2.1	Høyringsforslaget .....	342	13.5.2.4	Erstatning for kostnader til retts- hjelp og til anna sakkunnig hjelp ved avvising av jordskifte av materielle grunnar .....	359
13.2.2	Høyringsinstansane .....	342	13.6	Kostnader i saker etter lovfor- slaget §§ 5-2 og 5-3 .....	360
13.2.3	Departementets vurderingar .....	343	13.6.1	Høyringsforslaget .....	360
13.3	Gebyr .....	344	13.6.2	Høyringsinstansane .....	360
13.3.1	Inngangsgebyr .....	344	13.6.3	Departementets vurderingar .....	360
13.3.1.1	Høyringsforslaget .....	344	13.7	Sakskostnader ved anke .....	361
13.3.1.2	Høyringsinstansane .....	344	13.7.1	Høyringsforslaget .....	361
13.3.1.3	Departementets vurderingar .....	344	13.7.2	Høyringsinstansane .....	361
13.3.2	Grenselengdegebyr .....	345	13.7.3	Departementets vurderingar .....	361
13.3.2.1	Høyringsforslaget .....	345	13.8	Sakskostnader ved gjenopning .....	362
13.3.2.2	Høyringsinstansane .....	345	13.8.1	Høyringsforslaget .....	362
13.3.2.3	Departementets vurderingar .....	345	13.8.2	Høyringsinstansane .....	362
13.3.3	Partsgebyr .....	346	13.8.3	Departementets vurderingar .....	362
13.3.3.1	Høyringsforslaget .....	346	13.9	Andre reglar .....	363
13.3.3.2	Høyringsinstansane .....	346	13.9.1	Forskott .....	363
13.3.3.3	Departementets vurderingar .....	347	13.9.1.1	Høyringsforslaget .....	363
13.3.4	Samla gebyr og arbeidstid .....	348	13.9.1.2	Høyringsinstansane .....	363
13.3.4.1	Høyringsforslaget .....	348	13.9.1.3	Departementets vurderingar .....	363
13.3.4.2	Høyringsinstansane .....	348	13.9.2	Betalingsfrist .....	364
13.3.4.3	Departementets vurderingar .....	349	13.9.2.1	Høyringsforslaget .....	364
13.4	Fordeling av sakskostnader .....	349	13.9.2.2	Høyringsinstansane .....	364
13.4.1	Fordeling etter nytte .....	349			
13.4.1.1	Høyringsforslaget .....	349			
13.4.1.2	Høyringsinstansane .....	349			
13.4.1.3	Departementets vurderingar .....	349			
13.4.2	Særreglar for fordeling av sakskostnader i visse saker .....	350			
13.4.2.1	Høyringsforslaget .....	350			
13.4.2.2	Høyringsinstansane .....	350			
13.4.2.3	Departementets vurderingar .....	350			

13.9.2.3	Departementets vurderingar .....	365	14.4.3.4	Rolla til førstelagmannen ved samansetjinga av retten .....	385
13.9.3	Statens erstatningsansvar .....	365	14.5	Tidspunkt for når ein anke skal kunne fremjast .....	386
13.9.3.1	Høyringsforslaget .....	365	14.5.1	Høyringsforslaget .....	386
13.9.3.2	Høyringsinstansane .....	365	14.5.2	Høyringsinstansane .....	386
13.9.3.3	Departementets vurderingar .....	365	14.5.3	Departementets vurderingar .....	387
13.9.4	Panterett for pålagt kostnad og yting .....	365	14.6	Ankefrist, ankefråsegn, fråfall av anke .....	390
13.9.4.1	Høyringsforslaget .....	365	14.6.1	Høyringsforslaget .....	390
13.9.4.2	Høyringsinstansane .....	366	14.6.2	Høyringsinstansane .....	390
13.9.4.3	Departementets vurderingar .....	366	14.6.3	Departementets vurderingar .....	391
13.9.5	Sakskostnader ved rettsforlik .....	366	14.6.3.1	Generelt .....	391
13.9.5.1	Høyringsforslaget .....	366	14.6.3.2	Ankefrist .....	391
13.9.5.2	Høyringsinstansane .....	366	14.6.3.3	Ankefråsegna .....	392
13.9.5.3	Departementets vurderingar .....	366	14.6.3.4	Avkall på rett til å anke .....	393
13.9.6	Bortfall av regresskrav mot leigar og av eigne reglar om kostnader for minneleg jordskifte .....	366	14.6.3.5	Tilbakekall av anke .....	393
13.9.6.1	Høyringsforslaget .....	366	14.7	Saksførebuing i jordskifteretten ...	394
13.9.6.2	Høyringsinstansane .....	366	14.7.1	Høyringsforslaget .....	394
13.9.6.3	Departementets vurderingar .....	366	14.7.2	Høyringsinstansane .....	394
<b>14</b>	<b>Rettsmiddelordninga .....</b>	<b>367</b>	14.7.3	Departementets vurderingar .....	394
14.1	Rettsmiddelinstant for avgjerdene til jordskifteretten .....	367	14.8	Ankesum og silingsmekanismer ..	394
14.1.1	Høyringsforslaget .....	367	14.8.1	Høyringsforslaget .....	394
14.1.2	Høyringsinstansane .....	369	14.8.2	Høyringsinstansane .....	395
14.1.3	Departementets vurderingar .....	371	14.8.3	Departementets vurderingar .....	396
14.2	Kva for avgjerder som bør kunne prøvast ved anke .....	373	14.9	Plikt for ankeinstansen til å prøve avgjerd frå jordskifteretten .....	397
14.2.1	Høyringsforslaget .....	373	14.9.1	Høyringsforslaget .....	397
14.2.2	Høyringsinstansane .....	373	14.9.2	Høyringsinstansane .....	397
14.2.3	Departementets vurderingar .....	373	14.9.3	Departementets vurderingar .....	398
14.2.3.1	Avgjerder som kan ankast .....	373	14.10	Hjelp til teknisk arbeid .....	399
14.2.3.2	Gjennomsyn .....	374	14.10.1	Høyringsforslaget .....	399
14.3	Prosessform for ankebehandlinga .....	375	14.10.2	Høyringsinstansane .....	399
14.3.1	Høyringsforslaget .....	375	14.10.3	Departementets vurderingar .....	399
14.3.2	Høyringsinstansane .....	375	14.11	Ny behandling i jordskifteretten ...	400
14.3.3	Departementets vurderingar .....	376	14.11.1	Høyringsforslaget .....	400
14.3.3.1	Generelt .....	376	14.11.2	Høyringsinstansane .....	400
14.3.3.2	Ankesak som gjeld jordskifte .....	377	14.11.3	Departementets vurderingar .....	400
14.3.3.3	Anke over dom, orskurd eller vedtak .....	377	14.12	Frist for å setje i verk jordskiftet ...	401
14.3.3.4	Skjønn og andre avgjerder .....	378	14.12.1	Høyringsforslaget .....	401
14.3.3.5	Fleire sakstypar i ei sak .....	378	14.12.2	Høyringsinstansane .....	401
14.4	Samansetjing av lagmannsretten ..	379	14.12.3	Departementets vurderingar .....	401
14.4.1	Høyringsforslaget .....	379	14.13	Anke til Høgsterett .....	401
14.4.2	Høyringsinstansane .....	379	14.13.1	Høyringsforslaget .....	401
14.4.3	Departementets vurderingar .....	382	14.13.2	Høyringsinstansane .....	401
14.4.3.1	Rolla til jordskiftelagdommaren ...	382	14.13.3	Departementets vurderingar .....	401
14.4.3.2	Meddommarar i lagmannsretten ved behandling av sak frå jordskifteretten .....	384	14.14	Gjenopning .....	402
14.4.3.3	Tilhøvet mellom fagdommarar og meddommarar .....	384	14.14.1	Høyringsforslaget .....	402
			14.14.2	Høyringsinstansane .....	402
			14.14.3	Departementets vurderingar .....	402
			<b>15</b>	<b>Ymse reglar, overgangsreglar og ikraftsetjing .....</b>	<b>404</b>
			15.1	Ymse reglar .....	404
			15.1.1	Høyringsforslaget .....	404

15.1.2	Høyringsinstansane .....	404	16.3	Auka verdiskaping og betre areal- bruksløysingar .....	411
15.1.3	Departementets vurderingar .....	405	16.4	Enklare regelverk og enklare behandling i domstolane .....	411
15.1.3.1	Innleiing .....	405	16.5	Oppgåvefordeling mellom dom- stolane, lensmennene med meir ...	411
15.1.3.2	Utbetaling av pengevederlag i ei jordskiftesak .....	405	16.6	Andre konsekvensar .....	411
15.1.3.3	Skyldnader knytte til eigedom som er med i jordskifte .....	406	16.7	Direkte og indirekte økonomiske konsekvensar .....	412
15.1.3.4	Meldeplikta jordskifteretten har etter kulturminnelova .....	406	16.7.1	Ny rettsmiddelordning .....	412
15.1.3.5	Avgjerd om fordeling av skogfondsmidlar .....	406	16.7.2	Kostnader til kompetansetiltak .....	412
15.1.3.6	Straff .....	407	16.7.3	Auka gebyrinntekter .....	412
15.2	Overgangs- og iverksetjingsreglar. Endringar i andre lover .....	408	16.7.4	Andre spørsmål .....	412
15.2.1	Høyringsforslaget .....	408	16.8	Samla vurdering av direkte og indirekte økonomiske conse- kvensar .....	413
15.2.2	Høyringsinstansane .....	408	<b>17</b>	<b>Spesialmerknader til lovforslaget .....</b>	<b>414</b>
15.2.3	Departementets vurderingar .....	408			
15.2.3.1	Overgangsreglar .....	408			
15.2.3.2	Iverksetjingsreglar .....	409			
15.2.3.3	Endringar i andre lover .....	409			
<b>16</b>	<b>Økonomiske og administrative følgjer av lovforslaget .....</b>	<b>410</b>			
16.1	Innleiing .....	410			
16.2	Betre rettstryggleik .....	410			
				<b>Forslag til lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova) .....</b>	<b>496</b>







DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

# Prop. 101 L

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

## Lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova)

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 22. mars 2013, godkjend i statsråd same dagen. (Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

#### **1.1 Hovudformålet med proposisjonen**

Departementet legg i denne proposisjonen fram forslag til ny lov om verksemnda i jordskifterettane, *lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova)*.

Lova vil avløyse gjeldande jordskiftelov frå 1979. Gjeldande lov er revidert mange gonger, men er ikkje revidert på ein gjennomgripande måte før no. Lovforslaget byggjer på eit høyringsnotat utarbeidd av ei arbeidsgruppe i departementet. Forslaget byggjer òg på innspel frå ei referansegruppe, og allminneleg høyring. Det har vore allmenn oppslutning om at jordskiftelova bør reviderast.

Lovforslaget har reglar om heile verksemnda i jordskifterettane, og om behandlinga av anke i lagmannsrettane. Jordskifterettane skal etter lovforslaget framleis vere særdomstolar. Lovforslaget inneheld mellom anna reglar om kva som er formålet med verksemnda i jordskifterettane, korleis

verksemnda skal vere organisert, kva for sakstypar jordskifteretten skal behandle (jordskifte, rettsutgreiing, grensefastsetjing, skjønn og andre avgjerder etter andre lover), kva for reglar om saksbehandling som gjeld, korleis sakskostnadene skal fordelast, og korleis partane kan få prøvd avgjerdene i jordskifteretten for ein overordna rett som vil vere lagmannsretten.

Hovudformålet med forslaget er ei ny moderne jordskiftelov, som blir enklare og lettare å forstå for dei som skal bruke lova. Ved utforminga av lovforslaget er det lagt særleg vekt på at det er mange partar som prosederer sjølve for jordskifterettane. For å nå målet må språket bli klarare og lova må bli lettare å lese. Systematikken må betrast. Det må skiljast betre mellom materielle reglar (kva retten kan ta avgjerd om), og prosessuelle reglar (korleis retten skal behandle sakene).

Det er stort behov for ei enklare rettsmiddelordning. Etter gjeldande lov kan avgjerdene i jord-

skifteretten ankast til to overordna rettar (jordskifteoverretten og lagmannsretten), avhengig av kva tema anken gjeld. Ordninga er komplisert. I nokre sakstypar inneber ho òg risiko for at nokon lir rettstap. Departementet foreslår mellom anna på grunnlag av dette å slå jordskifteoverretten saman med lagmannsretten. Lagmannsretten skal styrkast med jordskiftedefagleg kompetanse (jordskiftelagdommar).

Det er òg eit formål å oppdatere lova i høve til andre store lovrevisjonar dei seinare åra. Dette gjeld særleg tvistelova, plan- og bygningslova og matrikkellova.

Endringsbehovet knyter seg til dei materielle reglane. Lovforslaget fører i hovudsak vidare dei rettsendrande verkemidla jordskifteretten har. Desse verkemidla er byte av grunn og rettar, skipping og avløyning av sameige, omskiping og avløyning av rettar, bruksordning, felles tiltak og felles investeringar, etablering av lag med meir. Jordskifte er samleomgrepet for desse verkemidla. Blant forslaga til endringar, er mellom anna ei utviding av den kompetansen jordskifteretten har, til å gjelde heile landet. Departementet foreslår òg at jordskifteretten får heimel til å skipe sameige mellom eigedommar. Departementet foreslår dessutan ein heimel til å lage reglar om sambruk (bruksordning) for eigarseksjonar. Departementet foreslår i tillegg å oppheve reglane om minnleg jordskifte og valdgiftsjordskifte.

Dei grunnleggjande vilkåra for jordskifte blir ført vidare i lovforslaget. Utgangspunktet er at det må liggje føre utenleige eigedoms- eller brukstil høve på ein eller fleire av dei eigedommane som inngår i jordskiftet. Jordskiftet skal òg gi ei samla netto nytte, og jordskifteløysinga skal ikkje føre til at kostnadene eller ulempene blir større enn nytten for nokon eigedom eller bruksrett. Høvet til planar etter plan- og bygningslova skal framleis vere slik at jordskifteretten må leggje gjeldande plansituasjon til grunn, når han skal velje jordskifteløysing. Jordskifteretten kan ikkje endre planar, reguleringar eller vernevedtak fastsett av offentlege myndigheiter.

Dei rettsfastsetjande sakstypane rettsutgreiing og grensefastsetjing blir òg ført vidare. Desse sakstypane utgjer ein vesentleg del av verksemda i jordskifteretten. Rettsutgreiing og grensefastsetjing er normalt ein del av grunnlagsarbeidet i jordskiftesakene, men jordskifteretten behandlar òg eit stort tal slike saker som eigne saker. Behovet for endring er mellom anna til stades når det gjeld vilkåra for rettsutgreiing, og ein samordna bruk av omgrep i jordskiftelova og matrikkellova

når det gjeld kva for kategoriar av eigedom som jordskifteretten kan fastsetje grenser for.

Behandlinga av skjønn, anten det skjer i samband med jordskifte, eller som eiga sak, er òg ein vesentleg del av verksemda i jordskifteretten, og skal halde fram. Behovet for endring er i det vesentlege knytt til endringar i bruk av omgrep og systematikk, og til kva for rettsinstansar som skal behandle skjønn etter ulike lover. Departementet foreslår at jordskifteretten skal vere den einaste førsteinstans for behandlinga av skjønn eller andre avgjerder etter fleire særlovar. Det såkalla «lensmannsskjønnet» skal avviklast i fleire av særlovene. Når det gjeld kompetansen til å avgjere om det skal svarast erstatning for skade valde av rein, foreslår departementet å føre vidare ordninga med at partane kan velje mellom tingretten og jordskifteretten.

Departementet ser ikkje behov for større endringar i organisatoriske reglar som gjeld førsteinstans. Ut frå omsynet til å redusere kostnadene ved behandlinga i retten, er det foreslått nokre endringar i reglane om sakskostnader og samansetjinga av retten i den enkelte saka. Departementet foreslår at retten som hovudregel skal setjast med ein jordskiftedommar, utan meddommarar. Retten kan likevel setjast med sakkunnige meddommarar når ein part krev det, eller jordskiftedommaren meiner det trengst for å få ei forsvarleg behandling av saka.

Reglane om samansetjinga av lagmannsretten er nye. Fordi ein legg opp til at alle sakstypar skal behandlast i lagmannsretten, må retten setjast saman slik at ankeinstansen får rett kompetanse i høve til det saka gjeld, og retten bør heller ikkje vere overdimensjonert i høve til anke. Når det er anka over jordskifteavgjerder, skal retten som hovudregel setjast med ein jordskiftelagdommar og fagkunnige meddommarar. Dette sikrar den jordskiftedefaglege behandlinga av desse sakene i ankeinstansen. Ved behandlinga av anke over dom (for eksempel i tvistar), orskurd og vedtak, skal lagmannsretten setjast saman på vanleg måte med juridiske fagdommarar, men slik at jordskiftelagdommaren kan vere ein av dei tre fagdommarane dersom førstelagmannen fastset dette.

Reglane om saksbehandling vil òg etter den nye lova bestå dels i eigne reglar som er tilpassa behovet i jordskifterettane, dels av eit utval av reglane i tvistelova. Dei sentrale prosessuelle prinsippa som er nedfelte i tvistelova, skal òg gjelde for saksbehandlinga i jordskifterettane. Dette gjeld mellom anna prinsippa om at retten berre kan byggje avgjerdene på fakta som partane har hatt oppmoding til å uttale seg om, retten partane

har til å føre bevis direkte for retten, likebehandling av partane, ei effektiv og ikkje for kostbar behandling og så vidare. Andre grunnleggjande prinsipp er plikta retten har til å grunnngi avgjerdene, og det høvet partane har til å få avgjerder overprøvd av høgare rettsinstansar. Ein grunnleggjande forskjell mellom dei allminnelege domstolane og jordskifterettane, er at jordskifterettane kan behandle saker utan at det er tvist mellom partane. Dette særtrekket ved jordskifterettane skal først vidare. Behovet for endring knyter seg mest til klargjering og forenkling av reglane. Dette er mellom anna gjort ved at reglane om saksbehandling er skilde ut i eit eige kapittel i lovforslaget.

Prinsippa for fordeling av sakskostnader skal først vidare. Det er ikkje behov for grunnleggjande endringar av desse. Eit hovudprinsipp er at sakskostnader knytt til jordskifte skal fordelast mellom partane etter nytten dei har av jordskifteløysinga. Prinsippet gjeld òg ved behandling av grensefastsetjing og rettsutgreiing. Ved behandlinga av tvistar skal ein følgje dei allminnelege reglane i tvistelova. Behovet for å halde sakskostnadene nede, gjer at ein òg bør gi reglane om sakskostnader i småkravsprosessen verknad når det gjeld tvist om mindre verdiar.

## 1.2 Samandrag

I proposisjonen *kapittel 2* behandlar departementet bakgrunnen for lovforslaget. Departementet gjer i *kapittel 2.2* greie for arbeidet med høyringsforslaget. Landbruks- og matdepartementet oppnemnde i 2006 ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å gå gjennom lova. Departementet framhevar i mandatet for gruppa mellom anna at det er gjennomført ei rekkje enkelståande endringar som har gjort gjeldande jordskiftelov uoversiktleg. Målsetjinga med revisjonen skulle vere å skape ei ny jordskiftelov som høver med tida og tilhøva og dei behova eigarar, rettshavarar og samfunnet elles har. Alle delar av jordskiftelova skulle vurderast. Landbruks- og matdepartementet peika ut arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa besto av daverande og tidlegare tilsette i departementet. Ein jordskifterettsleiar var òg med på arbeidet i ein periode. Departementet sette dessutan ned ei referansegruppe med mellom anna dommarar, advokatar, ein professor ved Universitetet for miljø- og biovitenskap, og representantar for andre departement. Arbeidsgruppa hadde møter med referansegruppa, og med andre, mellom anna med jordskifterettsleiarar, jordskiftedommarar og førstelagmennene. Arbeidsgruppa mottok

òg skriftlege innspel frå fleire hald under arbeidet, noko som mellom anna hadde samanheng med at dokumenta til møta med referansegruppa blei lagt ut på internett.

Departementet gjer i *kapittel 2.2.5* og *2.2.6* greie for den allminnelege høyringa. Det kom inn mange uttalar, og dei var til dels svært detaljerte og omfattande. Hovudinstrykket frå høyringa er at høyringsinstansane er samde om at jordskiftelova treng revisjon. Høyringsinstansane tilrådde òg hovudlinene i forslaga. Ei rekkje høyringsinstansar har likevel til dels omfattande kritiske merknader til konkrete forslag. Nokre meiner høyringsforslaget burde vore laga av andre enn tilsette i departementet, helst av eit offentleg utval. Andre meiner høyringsforslaget bygde på ein open og konstruktiv prosess. Nokre av instansane meiner lovforslaga burde sendast på ny høyring. I *kapittel 2.3* er det gjort greie for konsultasjonane med Sametinget og Norske Reindrifsamers Landsforbund om lovforslaget.

Proposisjonen *kapittel 3* inneheld ei framstilling av tidlegare og någjeldande jordskiftelovgivning. Departementet gir òg ei framstilling av kva jordskifte er, og kva som er spesielt med jordskifterettane samanlikna med dei allminnelege domstolane. Departementet gir dessutan oversikt over dei sakstypene som jordskifteretten behandlar; jordskifte, rettsutgreiing, grensegang og skjønn. Dei grunnleggjande vilkåra for jordskiftesakene går departementet òg gjennom. Det same gjeld reglane om saksbehandling, anke og sakskostnader.

Departementet gir i proposisjonen *kapittel 4* ei kort oversikt over rettstilstanden i andre land. Det mest vanlege i andre europeiske land, er at jordskifteverksemda blir utført av eit frittstående forvaltingsorgan. I Noreg skjer arbeidet i ein domstol. Denne grunnleggjande forskjellen gjer at utanlandsk rett får avgrensa relevans, særleg når det gjeld reglane om saksbehandling. Likskapen er større når det gjeld kva for oppgåver som er lagt til jordskifteorgana i land det er naturleg å samanlikne Noreg med.

Departementet gjer i proposisjonen *kapittel 5* greie for det synet høyringsinstansane og departementet har på behovet for lovendringar. Dette gjeld mellom anna systematikken i lova. Departementet har valt den same systematikken og strukturen på den nye jordskiftelova som arbeidsgruppa foreslår i høyringsnotatet. Høyringsinstansane har i det alt vesentlege støtta opp om dette forslaget. Gjeldande jordskiftelov skil ikkje tydeleg mellom materielle reglar og reglar om saksbehandling. Dette gjer at lova ikkje er så lett å

orientere seg i, særleg for partar som prosederer sjølv. Reglane om saksbehandling i gjeldande jordskiftelov er laga for jordskiftesakene, men skal òg gjelde tilsvarende for andre sakstypar, så langt dei høver. Dette bidreg til å komplisere lova. I lovforslaget er dei reglane om saksbehandling som er felles for alle sakstypene, skilde ut og plasserte i eit eige kapittel. Reglar om saksbehandling som berre gjeld enkelte sakstypar er knytt opp mot dei materielle reglane. Departementet meiner dette gjer det enklare å orientere seg i lova, og styrkjer rettstryggleiken.

Departementet ser ikkje behov for grunnleggjande endringar i dei verkemidla som tek sikte på å skape meir tenlege eigedommar for partane gjennom jordskifte. Jordskifteretten skal framleis fastsetje grenser for faste eigedommar og rettar, og gjere rettsutgreiingar. Kompetansen til å halde skjønn og ta andre avgjerder bør oppretthaldast, men departementet foreslår visse endringar i den parallelle (overlappande) kompetansen til å halde skjønn, som jordskifteretten har i dag. Departementet foreslår mellom anna at dei såkalla «lensmannsskjønna» blir avvikla på enkelte område, og at jordskifteretten skal få eksklusiv kompetanse på desse områda.

Departementet meiner det er behov for nokre endringar i terminologien i lova og foreslår ein del nye omgrep, og fleire av dei er definerte i lova. Dette gjeld mellom anna omgrep som «jordskifteløysing» som erstattar «skifteplan», og «jordskifteavgjerd» som blir avgjerdsforma for dei avgjerdene retten tek som del av jordskifteløysinga. Departementet foreslår å endre «grensegang» til «grensefastsetjing». Mange av avgjerdene retten tek etter særlovene blir kalla «skjønn». Departementet foreslår å endre på dette. I staden for å bruke «skjønn» om avgjerda blir omgrepa «tek avgjerd», eller «avgjer» brukt.

Det er særleg når det gjeld rettsmiddelordninga, departementet ser behov for større endringar. Gjeldande ordning, med to ankeinstansar, er komplisert og vanskeleg å finne ut av for dei som får med ankesakene å gjere. I enkelte sakstypar er det ein risiko for at partane lir rettstap. Hovudgrepet i forslaget er at rettsmiddelordninga endrast frå eit «to-spora» system, med jordskifteoverrett og lagmannsrett, til eit enklare system der lagmannsretten er einaste ankeinstans. Med berre ein ankeinstans kan ein ikkje anke til feil instans. Det inngår i ordninga at lagmannsrettane skal styrkast med jordskiftefagleg kompetanse, det vil seie med jordskiftelagdommarar.

Proposisjonen *kapittel 6* gjeld namnet på lova, formål, verkeområde, definisjonar, saksinnhald og

sakstilknytning (kapittel 1 i lovforslaget). I kapittel 6.1 foreslår departementet at namnet på lova bør vere *lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova)*. Namnet seier mykje om kva lova handlar om, utan å vere for langt. Omgrepet «jordskifte» bør vere med, og er teke inn i kortnamnet på lova. I kapittel 6.2 går departementet inn for at lova bør ha ein formålsparagraf (lovforslaget § 1-1) som gir uttrykk for hovudmålet med lova. Formålet speglar at den nye jordskiftelova både er ei prosesslov og ei lov med materielle reglar.

I kapittel 6.3 foreslår departementet at det geografiske verkeområdet for den nye jordskiftelova ikkje skal endrast nemnande. Lova skal framleis gjelde faste eigedommar og råderettar over fast eigedom i heile landet, utan omsyn til kvar eigedommane ligg, eller kva for planstatus som gjeld (lovforslaget § 1-2). Visse avgrensingar frå dette utgangspunktet følgjer likevel av særlovgivinga. I kapittel 6.4 gjer departementet greie for kva for omgrep som bør ha ein legaldefinisjon i lova (lovforslaget § 1-3). I kapittel 6.5 behandlar departementet kva det kan reisast sak om, altså det saklege verkeområdet for lova (lovforslaget § 1-4), og kven som kan reise sak (lovforslaget § 1-5). Kva det kan reisast sak om, følgjer av reglane om kompetansen retten har etter den nye jordskiftelova (lovforslaget § 1-4 og kapitla 3, 4 og 5) og særlovgivinga (mellom anna reindriftslova, servitutlova og veglova). Krav om sak for jordskifteretten kan setjast fram av den som eig fast eigedom, eller har rett knytt til fast eigedom (lovforslaget § 1-5), eller som er festar. Det er foreslått særlege reglar for reindrifta og for offentleg myndigheit.

Proposisjonen *kapittel 7* gjeld organisering av jordskifterettane, samansetjinga av jordskifteretten i ulike saker, og den lovnaden jordskiftedommarane skal gi (kapittel 2 i lovforslaget). I kapittel 7.1 gjer departementet greie for strukturen i lovforslaget kapittel 2. I kapittel 7.2 behandlar departementet inndelinga av riket i jordskiftesokn (lovforslaget § 2-1). Inndelinga skal som før, fastsetjast av Kongen. Spørsmålet om kvar ei sak høyrer heime (verneting), og spørsmålet om tenesteområdet for dei som arbeider i jordskifteretten, følgjer inndelinga i jordskiftesokn. I kapittel 7.3 drøftar departementet høvet mellom jordskiftelova og domstollova (lovforslaget § 2-2), og i kva for lov dei ulike organisatoriske reglane bør stå. Departementet foreslår at den nye jordskiftelova skal innehalde reglar om høvet mellom lovene. Bemanninga i jordskifterettane (lovforslaget § 2-3) er behandla i kapittel 7.4. Departementet meiner Domstoladministrasjonen (DA) bør

fastsetje bemanninga ved den enkelte jordskifteretten. Dette går allereie fram av domstollova, og treng inga eiga regulering i jordskiftelova. Kapittel 7.4 gjeld elles talet på faste embete for jordskiftedommarar, tilkalling av jordskiftedommar og oppnemning av jordskiftedommar i ei enkelt sak, ordninga med jordskiftedommarfullmektigar som er ein parallell til dommarfullmektigordninga i tingrettane, lovfesting av praksisen med teknisk personale ved jordskifterettane, og kva for reglar ein bør ha for leiing av den enkelte jordskifteretten.

I kapittel 7.5 drøftar departementet kva for krav til kvalifikasjonar ein skal stille til det dømmende personellet i jordskifterettane (lovforslaget § 2-4). Departementet foreslår å halde fast ved at jordskiftedommarane skal ha jordskiftedefagleg utdanning på mastergradsnivå. Dette utdanningsnivået er på line med nivået for andre dommarar, for eksempel i tingretten eller i lagmannsretten. Dette for å sikre at dømmende personell har reell fagleg kompetanse på høgt nivå. Departementet foreslår ikkje karakterkrav, ettersom utnemning av jordskiftedommarar uansett vil skje etter grundig saksbehandling. Departementet foreslår heller ikkje eigne reglar om nedre aldersgrenser for dømmende personell i jordskiftelova. Departementet foreslår likevel at reglar om aldersgrenser blir tekne inn i domstollova § 54.

I kapittel 7.6 går departementet inn for eit særskilt utval av meddommarar i kvart jordskiftesokn (lovforslaget § 2-5). Departementet meiner dette legg til rette for ein meir aktiv bruk av dei som er i utvala, enn om ein har eit utval for kvar kommune. Omsynet til likestilling mellom kjønna er teke vare på gjennom krav om at alle kommunar i jordskiftesoknet skal peike ut minst ein medlem av kvart kjønn til utvalet, og alltid like mange av kvart kjønn. Departementet foreslår ikkje å slå saman utvala for jordskifteddommarar og skjønnsmedlemmer. Dette har samanheng med at utvalet av skjønnsmedlemmer òg gjeld for andre skjønns enn dei som går for jordskifteretten.

Samansetjinga av jordskifteretten i den enkelte saka (lovforslaget § 2-6) er drøfta i kapittel 7.7. Hovudregelen i lovforslaget er at retten skal setjast med jordskiftedommaren som einedommar. Dette er ei harmonisering i høve til sivile saker for tingretten, og det kan bidra til å halde sakskostnadene nede for partane. Retten kan likevel setjast med jordskifteddommarar når ein av partane krev det, eller om jordskiftedommaren meiner det trengst for å få ei forsvarleg behandling av saka. Omsynet til bruk av lekdommarar i domstolane er såleis teke vare på. Jordskifteddommarar skal

vere hovudregelen i tiltaks- og vernejordskifte, der det regelmessig vil vere behov for skjønsmessige vurderingar. Utgangspunktet er to meddommarar, men partane kan krevje fire meddommarar, eller jordskiftedommaren kan fastsetje dette om han meiner det trengst. Tilsvarande skal det vere meddommarar i skjønns og andre avgjerder som er til behandling i samband med jordskifte. I dei tilfella skjønns og andre avgjerder etter andre lover går som eiga sak, følgjer saksbehandlingsreglane i skjønnsprosesslova, der hovudregelen er fire meddommarar.

I kapittel 7.8 foreslår departementet mellom anna at meddommarane framleis skal oppnemnast, og ikkje trekkjast, fordi oppnemning gir best kontroll på at meddommarane er kunnige i det saka gjeld (lovforslaget § 2-7). Departementet foreslår å føre vidare kravet om kunnige meddommarar frå gjeldande jordskiftelov. I kapittel 7.9 foreslår departementet reglar om at jordskiftedommaren skal gjere meddommarane kjent med dei pliktene ein meddommar har (innprenting), at meddommarane første gongen dei gjer teneste som meddommar (lovforslaget § 2-8) skal love at dei vil gjere pliktene samvitsfullt og etter beste overtyding (lovnad). Domstoladministrasjonen skal fastsetje ordlyden i lovnaden.

I kapittel 7.10 behandlar departementet nokre endringar i domstollova som følgje av overgangen frå to til ein rettsmiddelinstans. Departementet foreslår nye reglar i domstollova om jordskiftelagdommaren, og om bruken av jordskifteddommarar i lagmannsretten. Departementet foreslår òg reglar i domstollova om godkjenning av utanlandsk utdanning for dommarar ved jordskifterettane og lagmannsrettane.

Proposisjonen *kapittel 8* handlar om jordskifte og fordeling av planskapt netto verdiauke med vidare (kapittel 3 i lovforslaget). I kapittel 8.1 gir departementet ei kort innføring i kva jordskifte er. Etter lovforslaget er det små endringar i dei verkemidla jordskifteretten kan bruke for å bøte på dei utenlege eigedomstilhøva som partane tek opp. Jordskifteretten kan byte om på grunn og rettar, skipe og oppløyse sameige, gi reglar for og avløyse rettar over fast eigedom, skipe bruksordningar, fastsetje felles tiltak og felles investeringar, skipe lag og fastsetje vedtekter med meir. Verkemidla er regulerte i kapittel 3 del I og II i lovforslaget.

I kapittel 8.2 drøftar departementet strukturen i reglane om jordskifte. Kapitlet om jordskifte startar med ein del som gjeld utenlege eigedomstilhøve og bruk av verkemiddel i jordskifte. Del II i kapittel 3 i lovforslaget gjeld verkemidla i jord-

skifte. I del III finst reglar om grunnlaget for jordskifteløysinga. Del IV gjeld jordskifteløysinga. Delen har reglar om krav til den endelege jordskifteløysinga, mellom anna at jordskifteløysinga ikkje skal føre til at kostnadene eller ulempene blir større enn nytten for nokon eigedom eller bruksrett. I tillegg er det ein del med føresegner om kva retten kan gjere ved bruk av dei forskjellige verkemidla. I del V finst reglar om fordeling av planskapt netto verdiauke. Del VI inneheld ein paragraf knytt til fare for elvebrot, skred, sandfok og liknande. Dersom det skjer ein slik skade og retten i ei tidlegare sak har gitt reglar om korleis skade som følgje av slik uheldige hendingar skal jamnast ut, kan partar som ikkje blir samde om utjamninga av skaden mellom seg, be jordskifteretten om å jamne ut skaden. Departementet foreslår i del VII reglar som ikkje høver i dei andre delane.

I kapittel 8.3 gjer departementet greie for nokre ord og uttrykk som blir brukt i lovforslaget kapittel 3. Kapittel 8.4 gjeld jordskifte og disposisjonsprinsippet. Departementet drøftar spørsmålet om kva for råderett partane har over innhaldet i og utfallet av eit jordskifte. Partane har hand om kva for utenlege eigedomstilhøve jordskiftet skal bøte på, men det er jordskifteretten som fastset kva for verkemiddel som er eigna til å løyse det utenlege tilhøvet. Partane har ikkje like sterk styring med utfallet av eit jordskifte som med utfallet av rettsfastsetjande saker. Jordskifteløysinga vil ofte vere eit kompromiss mellom mange omsyn og interesser, og jordskifteretten skal sjå til at vilkåra for jordskifte er til stades, for eksempel vilkåret som gir vern mot tap, sjå lovforslaget § 3-18.

I kapittel 8.5 gjer departementet greie for tilhøvet mellom jordskifte og omskiping og avskipping etter servitutlova. Lovforslaget byggjer på at tilhøvet mellom jordskifte og omskiping og avskipping etter servitutlova skal vere om lag som etter gjeldande lov. Alltidvarande bruksrett som ligg til fast eigedom skal framleis kunne omformast som del av eit jordskifte, og dei skal kunne avløysast med heimel i jordskiftelova dersom bruksretten er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing. Departementet foreslår at jordskifteretten òg skal ha heimel til å avløyse ein negativ servitut som er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing. Departementet foreslår at jordskifteretten skal bli einaste domstol som kan behandle saker om omskiping, avskipping og utvising etter servitutlova.

I kapittel 8.6 drøftar departementet bruken av jordskifteverkemiddel i høve til reindrifta.

Kapittel 8.7 gjeld kva verkemiddel jordskifteretten kan bruke. Departementet gjer greie for

forslaga til plassering av dei ulike kompetanseheimlane, og tilhøvet mellom dei ulike reglane om kompetansen jordskifteretten skal ha. Kapittel 8.8 har overskrifta «Utenlege eigedomstilhøve». Kapitlet gjeld vilkåret om at jordskifte kan haldast dersom minst ein eigedom eller bruksrett i jordskifteområdet er vanskeleg å bruke på tenleg måte etter tid og tilhøve. Jordskifteretten kan òg halde jordskifte dersom det er pårekleleg at minst ein eigedom eller bruksrett blir vanskeleg å bruke på tenleg måte som følgje av eit offentleg eller privat tiltak. Kapittel 8.9 har overskrifta «Meir tenlege eigedomstilhøve i jordskifteområdet». Departementet foreslår å lovfeste ein regel om at kompetansen til å halde jordskifte berre gjeld dersom jordskiftet samla sett fører til meir tenlege eigedomstilhøve i jordskifteområdet.

Kapittel 8.10 gjeld ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett. Departementet foreslår å føre vidare heimelen for å forme ut eigedommar på nytt ved at delar av eigedommane byter eigar, eller ved at alltidvarande bruksrettar som ligg til fast eigedom utformast på nytt. Departementet foreslår òg å slå saman heimlane i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b og heimelen i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav i. Heimelen opnar såleis for å omforme eigedommar og rettar på grunnlag av utenlege eigedomstilhøve som følgje av godkjent reguleringsplan etter plan- og bygningslova i område som anten gjeld eksisterande område for bygging og anlegg, eller nytt område for bygging og anlegg. Endringa fører blant anna til at vilkåret i gjeldande jordskiftelov om at partane skal vere samde om å krevje sak blir borte. Etter lovforslaget gjeld den alminnelege regelen om at det er nok at ein part krev slik sak.

Kapittel 8.11 gjeld skiping av sameige. Departementet foreslår ein ny heimel for jordskifteretten til å skipe sameige mellom eigedommar dersom dette bøter på dei utenlege eigedomstilhøva på ein betre måte enn ved å gi reglar om sambruk mellom eigedommar. Heimelen er særleg aktuell for infrastruktur som vegar, parkeringsareal, vass- og kloakkleidningar, el- og IT-leidningar, leikeplassar og andre fellesområde.

Kapittel 8.12 gjeld oppløysing av sameige og sambruk mellom eigedommar, samt deling av eigedom. Departementet foreslår å føre vidare heimelen for å løyse opp sameige og sambruk mellom eigedommar. Departementet foreslår å lovfeste gjeldande praksis om at oppløysinga kan gjennomførast delvis eller fullstendig. Jordskifteretten skal òg framleis kunne dele og forme ut ein eigedom med tilhøyrande bruksrettar etter eit

fastsett høvetal. Dersom delinga krev løyve frå forvaltinga, må dette liggje føre før jordskifteretten fastset jordskifteløysinga.

Kapittel 8.13 gjeld reglar om sambruk (bruksordning). Derpartementet foreslår å føre vidare heimelen til å gi reglar om bruken der det eksisterer sambruk mellom eigedommar. Jordskifteretten skal framleis òg kunne gi reglar om sambruk der det ikkje er slik sambruk frå før dersom det er særlege grunnar for det. Lovforslaget fører vidare hovudinnhaldet i gjeldande jordskiftelov § 35 når det gjeld kva som kan vere grunnlag for ei sjølvstendig sak om å gi reglar om sambruk. Heimelen for å kunne gi slike reglar er likevel gjort meir generell i lovforslaget. Departementet foreslår òg ei ny føresegn som gir jordskifteretten heimel til å gi reglar om sambruk av uteareal til eigarseksjonar. Departementet foreslår å oppheve heimelen for å gi reglar for bruken i personlege sameige i skogeigedom og i fjellstrøk som for storparten ligg over barskoggrensa. Slike rettshøve vil framleis kunne omskipast etter servituttlova.

I kapittel 8.14 foreslår departementet å føre vidare heimelen for at jordskifteretten kan påleggje felles tiltak og felles investeringar i samband med bruk av eigedommar eller bruksrettar. Reglane i gjeldande jordskiftelov er splitta opp etter konkrete tiltak. Heimelen i lovforslaget er gjort generell. Departementet foreslår òg at heimelen blir utvida til å gjelde bruksrettar. Jordskifteretten skal òg kunne påleggje felles tiltak og felles investeringar mellom reindrifta og grunneigarar eller bruksretts-havarar.

Kapittel 8.15 gjeld etablering av lag og fastsetjing av vedtekter. Kapittel 8.15 gjeld òg driftselskap. Departementet foreslår at jordskifteretten framleis skal kunne skipe lag for drift eller vedlikehald når fleire skal bruke eigdommen eller har bruksrett. Jordskifteretten skal òg kunne endre eksisterande lag. Etter lovforslaget skal retten ha plikt til å fastsetje vedtekter for dei laga han skipar. Tiltak som kan innebere stor risiko kan etter lovforslaget berre gjennomførast av eit driftselskap.

Kapittel 8.16 gjeld bruksrettar og andre rettar som er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing. Ei føresegn i lovforslaget gir heimel for å omskipe eller avløyse tidsavgrensa bruksrettar og alltidvarande bruksrettar som ikkje ligg til fast eigedom. Kapitlet har òg ein heimel for å avløyse alltidvarande bruksrettar som ligg til fast eigedom, og å avløyse negative servituttar. Eit vilkår for å bruke heimlane er at dei aktuelle rettane er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing. Heimelen til å avløyse negative servituttar er ny. Dei andre heimlane

byggjer på tilsvarende heimlar i gjeldande jordskiftelov.

Kapitla 8.17 til 8.19 gjeld grunnlaget for jordskifteløysinga. Jordskifteretten skal fastsetje eigedoms- og bruksrettstilhøva og verdsetje dei. Formålet er å slå fast kva kvar enkelt part eig i jordskifteområdet før jordskifteretten nyttar verkemiddel for å bøte på det partane har teke opp som utenleg. Reglane er her forenkla og tilpassa ein situasjon der jordskifte ikkje berre skjer i landbruksområde. I kapittel 8.18 foreslår departementet at jordskifteretten skal fastsetje eigedoms- og bruksrettstilhøva slik dei er. Løysinga er i samsvar med gjeldande lov. Dersom partane er same om heile eller delar av grunnlaget for jordskifteløysinga, kan jordskifteretten etter forslaget byggje på denne semja. Kapittel 8.19 handlar om kva jordskifteretten skal verdsetje. Departementet foreslår å føre vidare at det som går i byte, skal verdsetjast. Verdsetjinga skal byggje på påreknleg bruk. Ved verdsetjing av skog skal det framleis vere opning for å trekkje verdien av standskogen inn i grunnlaget for jordskiftet.

Kapitla 8.20 til 8.28 inneheld departementets forslag til føresegn om jordskifteløysinga. Reglane i lovforslaget er forenkla og tilpassa ein situasjon der jordskifte ikkje berre skjer i landbruksområde. I kapittel 8.21 foreslår departementet at jordskifteløysinga ikkje skal gå lenger enn det som er nødvendig for å bøte på dei utenlege tilhøva som partane har teke opp. I kapittel 8.22 foreslår departementet at jordskifteløysinga ikkje skal vere i strid med bindande offentlege føresegn om arealbruk. Nødvendige offentlege løyve skal òg liggje føre når jordskifteretten tek avgjerd om den endelege jordskifteløysinga. Kapittel 8.23 gjeld vern mot tap. Departementet foreslår at jordskifteløysinga ikkje skal føre til at kostnadene eller ulempene blir større enn nytten for nokon eigedom eller bruksrett. Kapittel 8.24 gjeld byte av grunn, rettar og andre verdiar i eit jordskifte. Departementet foreslår ei forenkling av føresegnene om korleis jordskifteretten skal leggje ut grunn og bruksrettar. Jordskifteretten skal leggje ut grunn og bruksrettar på tenleg måte ut frå grunnlaget for jordskiftet. Jordskifteretten skal framleis byte grunn mot grunn, bruksrett mot bruksrett, bruksrett mot grunn og grunn mot bruksrett. Jordskifteløysinga skal likevel framleis opne for å byte grunn eller bruksrett mot pengar eller andre verdiar dersom det ikkje let seg gjere å få til ei jordskifteløysing på anna måte. Departementet foreslår å føre vidare gjeldande føresegn om at dersom nokon part treng grunn til særskilte formål som vegar eller anna, kan han krevje dette

utlagt av sin del. Eit aktuelt eksempel er dei tilfella der vegmyndigheita skal føre fram offentleg veg, og ho eig ein eigedom i høveleg nærleik av veglina. Departementet foreslår òg å føre vidare føresegna i gjeldande lov om at jordskifteretten må vere varsam med å byte om grunn eller rettar som kan endre verdi. Departementet foreslår ut over dette å føre vidare hovudinnhaldet i gjeldande reglar om utjamningsmåten i samband med overføring av standskog.

Departementet foreslår i kapittel 8.25 å føre vidare ein regel om at jordskifteretten bør ta omsyn til leigetilhøva i jordskifteområdet i jordskifteløysinga, og at jordskifteretten framleis skal ha plikt til å ordne tilhøvet mellom jordleigar og eigar om det trengst. Føresegna i gjeldande lov om at jordskifteretten skal arbeide for å få til kjøp og sal av eigedom i jordskifteområdet foreslår departementet ikkje å føre vidare.

Forslaga i kapittel 8.26 gjeld vederlag ved avløysing av rettar. Departementet foreslår at hovudregelen framleis skal vere byte av grunn eller rettar, men vederlaget kan fastsetjast til pengar eller andre verdiar dersom det er meir tenleg.

I kapittel 8.27 foreslår departementet å føre vidare at jordskifteretten skal leggje vekt på den framtidige utnyttinga av eigedommane, og dei økonomiske evnene partane har når jordskifteretten gir pålegg om felles investeringar. I kapittel 8.28 foreslår departementet å føre vidare at når jordskifteretten skipar lag, svarar kvar av deltakarane i laget overfor tredjemann etter partshøvet i laget. Departementet foreslår òg å føre vidare at jordskifteretten skal fordele kostnader ved investeringstiltak etter nytten kvar part har av tiltaket.

I kapittel 8.29 foreslår departementet at saker om fordeling av planskapt netto verdiauke skal plasserast i ein eigen del av jordskiftekapitlet, og ikkje reknast som ei ordinær jordskiftesak. Jordskifteretten kan fordele planskapt netto verdiauke mellom eigedommar som er omfatta av ein reguleringsplan. Fordelinga kan gjerast dersom planmyndigheita har gitt føresegn om at planskapt verdiauke skal fordelast. Planmyndigheita må i reguleringsplanen ha fastsett den geografiske avgrensinga av området for fordeling. Departementet foreslår i det alt vesentlege å føre vidare innhaldet i føresegnene om korleis jordskifteretten skal verdsetje og om korleis jordskifteretten skal fordele planskapt verdiauke. Det inneber at jordskifteretten skal verdsetje samla planskapt netto verdiauke for fordeling. Jordskifteretten skal verdsetje dei delane som kvar part skal ha av verdiauken. Jordskifteretten skal verdsetje alle eigedommane ut frå eigenskapane dei har til utbyg-

gingsformål og uavhengig av kva som går fram av reguleringsplanen.

Kapittel 8.30 gjeld fare for naturskade. Der det er fare for naturskade skal jordskifteretten om det ikkje er mogleg å ta omsyn til det i sjølve jordskifteløysinga, fastsetje nødvendig forbyggingsarbeid eller andre tryggingstiltak og gi reglar for korleis kostnadene med arbeidet og vedlikehaldet skal delast. Er det ikkje teke omsyn til faren i jordskifteløysinga, skal jordskifteretten gi reglar for det tilfellet det blir skade, og først og fremst om korleis kostnadene ved skaden skal delast. Departementet foreslår å føre vidare heimelen for at jordskifteretten kan jamne ut skade etter elvebrot, skred, sandfok og liknande når jordskifteretten i eit tidlegare jordskifte har gitt reglar for korleis skaden skal delast mellom partane og partane ikkje blir samde om korleis utjamninga skal gjerast.

Kapittel 8.31 gjeld bruken av jordskifteområde. Departementet foreslår å føre vidare heimelen til å fastsetje reglar for bruken av jordskifteområdet frå det tidspunktet saka ikkje lenger kan trekkjast utan samtykke frå jordskifteretten, og fram til jordskiftet er gjennomført. Departementet foreslår òg reglar om vederlag for den som må avstå frå bruk og fordeling av kostnader. Kapittel 8.32 gjeld skiping og oppmåling av nye matrikkel-einingar. Departementet foreslår å føre vidare hovudinnhaldet i gjeldande jordskiftelov som gir jordskifteretten heimel for å skipe og måle opp nye matrikkeleiningar i jordskifteområdet. Kapittel 8.33 gjeld frist for iverksetjing av avgjerd. Departementet foreslår ein tilvisingsregel til lovforslaget § 6-27 som gir heimel for å setje dei fristar som trengst for å iverksetje avgjerder etter jordskiftekapitlet i lovforslaget. Heimelen er generell, og kjem i staden for meir detaljerte reglar i gjeldande lov. Kapittel 8.34 gjeld sperretid for nytt jordskifte. Departementet foreslår i det alt vesentlege å føre vidare gjeldande føresegner om sperretid for nytt jordskifte. Hovudregelen skal vere ei sperretid på 10 år, men med opning for unntak dersom naturkatastrofar, kjøp av tilleggsjord og liknande gjer at det ikkje lenger er naturleg å sjå området som tidlegare skifta.

Kapittel 8.35 gjeld endringar i andre lover. Departementet foreslår endringar i fem lover som følgje av forslag om endringar i jordskiftekapitlet i lovforslaget. Grunngevinga for, og innhaldet i endringane i desse lovene er behandla saman med det aktuelle temaet i jordskiftekapitlet i lovforslaget. Kapittel 8.36 gjeld verkemiddel og andre reglar som ikkje først vidare. Departementet foreslår ikkje å føre vidare føresegner om minneleg jord-



skifte eller om jordskifte ved valdgift i ny jordskiftelov. Departementet foreslår at heller ikkje føresegnene om utflytting skal først vidare i ny jordskiftelov.

Proposisjonen *kapittel 9* gjeld rettsutgreiing (kapittel 4 i lovforslaget). Reglane om rettsutgreiing blir i hovudsak ført vidare i lovforslaget § 4-1, men med litt andre formuleringar enn i gjeldande jordskiftelov. Med rettsutgreiing i lovforslaget kapittel 4 er meint fastsetjinga jordskifteretten gjer av innhaldet i rettar og eigedomstilhøve som eiga sak. Departementet foreslår å ta bort det særlege vilkåret i gjeldande jordskiftelov, om at rettsutgreiing berre kan utførast «når dette er nødvendig av omsyn til ein rasjonell bruk av området». Det er nok for å krevje rettsutgreiing at dei som har interesser knytt til eigedomsrett eller bruksrett i eit område, treng ei avklaring av rettstilhøva. Jordskifteretten kan fastsetje innhaldet i rettar og eigedomstilhøve som eiga sak i sameige, i område der det er sambruk eller er uklart om det er sambruk mellom eigedommar, ved registrering av uregistrert jordsameige, i område med reindrift i det samiske reinbeiteområdet, og i område der det er sambruk av uteareala som ligg til eigarseksjonar. Rettsutgreiing er normalt (saman med grensefastsetjing) del av grunnlagsarbeidet i jordskiftesakene. Rettsutgreiing kan behandlast som eiga sak, eller i kombinasjon med grensefastsetjing. Som etter gjeldande reglar skal jordskifteretten etter lovforslaget kunne avgjere tvist om underliggjande rettshøve.

Proposisjonen *kapittel 10* gjeld grensefastsetjing (kapittel 4 i lovforslaget). Reglane først i hovudsak vidare frå gjeldande jordskiftelov. Endringane ligg i det vesentlege i korleis ein brukar ulike omgrep. I kapittel 10.4 gjer departementet greie for dei vurderingane ein har gjort ved utforminga av reglane. Det som tidlegare blei kalla grensegang er endra til grensefastsetjing, som betre beskriv denne verksemda. Systematikken i lova gjer at reglar om saksbehandling og materielle reglar er skilde òg når det gjeld grensefastsetjing. Departementet foreslår å ta inn ein spesiell regel om høyring av forslag til fastsetjing (som òg gjeld for forslag til rettsutgreiing) i kapitlet om saksbehandling (lovforslaget § 6-21). Føresetnaden for slik høyring er at det ikkje er tvist mellom partane. Er det tvist, følgjer ein prosessreglane i tvistelova. Tvist er ikkje noko vilkår for at jordskifteretten skal behandle krav om grensefastsetjing, eller for at retten skal fastsetje grensene som ein nødvendig del av grunnlagsarbeidet før jordskifte. Er det tvist, vil på den andre sida både tingretten og jordskifteretten kunne avgjere ei sak om gren-

sefastsetjing. Departementet har vurdert å leggje sakene om grensefastsetjing til jordskifteretten aleine, i og med at jordskifteretten allereie har dei fleste slike saker. Jordskifteretten har dessutan ingeniørar og teknisk utstyr til å gjere grensemerking og koordinatfesting. Departementet har blitt ståande ved ikkje å foreslå dette. Bakgrunnen for dette er mellom anna at spørsmålet ikkje har vore på høyring. Departementet meiner at det heller ikkje på avgjerande måte talar mot tingrettane at dei ikkje har noko tilsvarende teknisk apparat som det jordskifteretten har.

Departementet foreslår å harmonisere bruken av omgrep i jordskiftelova og matrikkellova når det gjeld kva for eigedommar jordskifteretten skal kunne fastsetje grensene for. Det er gjort ved at det er vist til dei aktuelle paragrafane i matrikkellova. Det er òg foreslått at jordskifteretten kan fastsetje grenser for fast eigedom og rettar som eiga sak i samisk reinbeiteområde.

Departementet foreslår at kompetansen jordskifteretten har til å justere ulaglege grenser blir den same som matrikkelmyndighetene har etter matrikkellova. Departementet foreslår òg at jordskifteretten skal kunne avgjere eventuelle gjerdespørsmål langs dei grensene som blir fastsette, slik at gjerder og plikt til å halde gjerde kan tilpassast dei nye grensene. Departementet seier òg i lovforslaget at for fastsetjing av grenser som gjeld bygdeallmenning eller statsallmenning, gjeld bygdeallmenningslova § 1-4 og statsallmenningslova § 4-2, og at jordskifteretten kan fastsetje slike grenser som er nemnde i vassdragslova §§ 2, 3 og 4.

Departementet meiner ein kan ta ut av loverket reglane om merking av grenser fastsett av Utmarkskommissjonen for Nordland og Troms, i og med at kommissjonen har avslutta arbeidet sitt. Særlege reglar om grensemerking og koordinatfesting av grenser fastsett av Finnmarkskommissjonen og utmarksdomstolen, er tekne inn i finnmarkslova § 45. Departementet seier likevel i lovforslaget at jordskifteretten gjer grensemerking i terrenget, koordinatfesting og kartlegging etter finnmarkslova § 45.

Som etter gjeldande reglar skal jordskifteretten etter lovforslaget kunne avgjere tvist om underliggjande rettshøve.

*Kapittel 11* gjeld skjønn og andre avgjerder etter andre lover (kapittel 5 i lovforslaget). Lovforslaget inneber inga innskrenking i dei heimlane jordskifteretten har til å halde skjønn i dag. Jordskifteretten held i dag skjønn når jordskifte skjer i samband med offentleg ekspropriasjon for å iverksetje tiltak (bygging, utbetring med meir) eller i

samband med offentleg regulering av eigarrådvelde (vern). Jordskifteretten held òg skjønn etter reglane i ei rekkje særlover. Jordskifteretten held òg skjønn som eiga sak, når det er avtalt mellom partane. I kapittel 11.1 drøftar departementet omgrepet skjønn. Departementet meiner omgrepet skjønn i fleire av særlovene er brukt om avgjerder der dei vurderingane retten skal gjere, ikkje er skjønn i tradisjonell meining. I nokre tilfelle er omgrepet skjønn brukt for å få fram at saka skal gå etter reglane i skjønnsprosesslova. Departementet foreslår at omgrepet skjønn berre skal brukast om avgjerder som gjeld fastsetjing av pengebeløp (erstatning, vederlag). I lovforslaget er ikkje omgrepet skjønn brukt for å seie kva reglar saka skal behandlast etter. Avgjerder som ein ikkje lenger vil kalle skjønn er i lovforslaget kalla «andre avgjerder».

I kapittel 11.2 gjer departementet greie for tematikken i reglane om skjønn og andre avgjerder etter andre lover. Reglane står i eit eige kapittel i lovforslaget. Departementet foreslår ein paragraf om heimelen jordskifteretten har til å halde skjønn i samband med tiltaksjordskifte og vernejordskifte, ein paragraf om skjønn i samband med jordskifte som følgje av tiltak fastsett av jordskifteretten i vassdrag, ein paragraf om skjønn som jordskifteretten held og andre avgjerder som jordskifteretten tek i samband med sak for jordskifteretten etter særlov, ein paragraf som gjeld dei skjønna og avgjerdene som jordskifteretten behandlar som eiga sak og ein paragraf om skjønn og avgjerder som partane har avtalt at jordskifteretten kan halde. Departementet foreslår òg ein heimel for retten til å bestemme at skjønn og andre avgjerder i samband med sak for jordskifterett skal behandlast som eiga sak. Departementet foreslår òg ein paragraf som regulerer kva for reglar om saksbehandling med meir, som gjeld for ulike skjønn og andre avgjerder. Departementet foreslår dessutan ein paragraf som seier kva for kompetanse jordskifteretten skal ha til å avgjere tvistar i saker etter lovforslaget kapittel 5.

I kapittel 11.3 behandlar departementet spørsmålet om endringar i den parallelle (overlappinge) kompetansen det er i lovverket, når det gjeld behandlinga av skjønn. Både tingrett, jordskifterett, lensmann, namsfut og politistasjonssjef med sivile rettspleieoppgåver, har på nokre område kompetanse til å styre og heimle same slags skjønn. Departementet foreslår endringar i dette, ved at jordskifteretten på nokre område får kompetansen aleine. Dette gjeld område der jordskifteretten har gode føresetnader for å behandle slike saker. Det gjeld saker etter grannegjerde-

lova, beitelova, enkelte spørsmål knytt til veglova, servitutlova og enkelte avgjerder etter reindriftslova.

I andre tilfelle foreslår departementet ikkje endring når det gjeld parallell kompetanse. Etter reindriftslova § 70 skal både jordskifteretten og tingretten kunne behandle erstatningsskjønn for skade valda av rein. Det gjeld òg avtaleskjønn.

I kapittel 11.4 drøftar departementet spørsmålet om den stadlege avgrensinga av kompetansen jordskifteretten har. Departementet foreslår å ta bort reglar som avgrensar kompetansen jordskifteretten har til eit nærare definert geografisk område (LNFR-område etter plan- og bygningslova).

Kapittel 11.5 gjeld kompetansen til jordskifteretten. Departementet behandlar kompetansen jordskifteretten har i høve til ulike typar skjønn. For skjønn i samband med vernejordskifte, foreslår departementet ei endring slik at kompetansen i jordskifteretten blir utvida til òg å gjelde spørsmålet om det skal ytast erstatning for avgrensingar i råderetten som følgjer av eit vernevedtak. Etter gjeldande reglar er det dei ordinære domstolane som avgjer dette. I særlovene som er nemnde i kapitlet, blir det ikkje gjort endringar i reglane om kva som skal avgjerast. Departementet foreslår likevel endringar når det gjeld kven som skal ta avgjerdene. Som nemnt over tek ein òg bort den stadlege avgrensinga av kompetansen knytt til kompetansen jordskifteretten har. Ut over dette foreslår departementet berre mindre endringar.

I kapittel 11.6 drøftar departementet spørsmålet om å leggje heilt ny skjønnskompetanse til jordskifteretten. Jordskifteretten får etter forslaget kompetanse til å treffe avgjerder etter beitelova.

Departementet behandlar i kapittel 11.7 reglane om saksbehandling. Departementet foreslår at skjønn og andre avgjerder etter andre lover som behandlast i samband med sak for jordskifteretten skal følgje jordskiftelova kapittel 1, 2, 6 og 8 så langt dei høver. I tillegg gjeld § 7-1 andre ledd og § 7-10. Reglane i skjønnsprosesslova skal gjelde der jordskiftelova ikkje har reglar. I tillegg gjeld dei reglane i dei lovene som er nemnde i lovforslaget § 5-3.

Skjønn og andre avgjerder etter andre lover som eiga sak følgjer reglane i skjønnsprosesslova. I kapittel 11.8 drøftar departementet kva for reglar ein bør ha om behandlinga av tvistar om underliggjande rettshøve i saker etter kapittel 5 i lovforslaget, som retten må avgjere.

Proposisjonen *kapittel* 12 gjeld reglane om saksbehandling (kapittel 6 i lovforslaget). Depar-

tementet gjer i kapittel 12.1 greie for hovudprinsippa for reglane om saksbehandling og tilhøvet til tvistelova. Reglane om saksbehandling er ein kombinasjon av reglar i tvistelova, og egne reglar tilpassa behovet i saker for jordskifteretten. Tilhøvet mellom tvistelova og jordskiftelova er ordna slik at det i lovforslaget § 6-1 er lista opp kva for konkrete kapittel og paragrafar i tvistelova som skal gjelde så langt dei høver. Andre stader i lovforslaget kapittel 6, viser departementet direkte til enkelte av reglane i tvistelova, av omsyn til informasjon. Når det gjeld behandlinga av skjønn, inneber lovforslaget at skjønn som blir behandla i samband med sak for jordskifteretten, følgjer reglane om saksbehandling i jordskiftelova. Det at jordskifte og skjønn følgjer same reglar om saksbehandling i slike «kombinerte saker» forenkler behandlinga. Skjønn som eiga sak skal følgje skjønnsprosesslova, slik at behandlinga blir lik for alle skjønn som ikkje blir behandla i samband med jordskifte. Tilhøvet til tvistelova og skjønnsprosesslova er behandla i kapittel 12.2.

Reglane om saksbehandling byggjer på dei same prosessuelle prinsippa som tvistelova. Dette gjeld mellom anna prinsippa om at retten berre kan byggje avgjerdene på fakta som partane har hatt oppmoding til å uttale seg om (kontradiksjonsprinsippet). Partane skal òg ha rett til å føre bevis direkte for retten. Prosessen byggjer på at sakene skal behandlast på ein effektiv og ikkje for kostbar måte, og at partane skal behandlast likt. Andre grunnleggjande prinsipp er at retten har plikt til å grunngi avgjerdene, og at partane har høve til å få avgjerder overprøvd av høgare rettsinstansar. Lovforslaget byggjer òg på at jordskifterettane er uavhengige domstolar (særdomstolar). Ein grunnleggjande forskjell mellom dei allminnelege domstolane og jordskifterettane, er at jordskifterettane kan behandle saker utan at det er tvist mellom partane. Dette særtrekket ved jordskifterettane blir ført vidare.

Kapittel 12.3 gjeld reglane om saksbehandling i den nye jordskiftelova. Departementet foreslår i lovforslaget kapittel 6 del II (§§ 6-2 til 6-9) reglar om førebuing av saka. Departementet foreslår reglar om forma på og innhaldet i det kravet som skal få ei sak i gang, og reglar om korleis retten skal styre sakene, til dette kontrollen med om vilkåra er oppfylte. Departementet foreslår òg reglar om retten partane har til å fremje merknader til krav om sak, og reglar om den geografiske og saklege avgrensinga som retten gjer av sakene, i tråd med kravet og merknader frå partane. I lovforslaget kapittel 6 del III (§§ 6-10 til 6-13) foreslår departementet reglar om rettsmøte og rettsbøker.

Kapittel 6 del IV (§§ 6-14 til 6-20) gjeld generelle reglar om det faktiske grunnlaget for avgjerdene retten skal ta, om bevis, og om plikta retten har til å rettleie partane, om minneleg løysing og rettsmekling. Reglane legg til rette for at minnelege løysingar av saker for jordskifteretten og forlik mellom partane, framleis vil vere eit sentralt trekk ved verksemda i jordskifteretten. Kapittel 12.3 gjeld òg trekking av krav og delvis avslutting av sakene.

Kapittel 12.3 handlar òg om plikta jordskifteretten har til å utarbeide forslag til jordskifteavgjerd og at forslaget til jordskifteavgjerd skal leggjast skriftleg fram for partane. Lovforslaget kapittel 6 del V (§§ 6-21 og 6-22) har reglar om korleis retten utarbeider forslag til avgjerd om jordskifteløysing og fastsetjing av grenser, rettar og anna. Denne høyringa av forslag til avgjerd skil jordskifterettane frå dei allminnelege domstolane. Ved behandlinga av tvist om grenser eller rettar legg lovforslaget til rette for at jordskifteretten kan følgje reglane i tvistelova om saksbehandling (mellom anna med hovudforhandling). I lovforslaget kapittel 6 del VI (§§ 6-23 til 6-29) er det reglar om dei formene for avgjerd som retten gjer bruk av, plikta retten har til å grunngi avgjerdene, og reglar om rettsforlik, frist for iverksetjing av endeleg jordskifteløysing, rettskraft og tvangskraft, og reglar om merking og koordinatfesting av grenser med meir.

Avgjerda av realitetane i ei jordskiftesak er etter lovforslaget ei «jordskifteavgjerd». Dette er ei ny form for avgjerd i høve til gjeldande lov. Skjønn eller andre avgjerder som blir behandla i samband med sak for jordskifteretten etter kapittel 5 i lovforslaget, er òg ei jordskifteavgjerd. Når retten avgjer realitetane i spørsmål om grenser, eigedomsrett, servituttar med meir skal retten seie dom. Avgjerder som gjeld saksbehandlinga er anten orskurd («kjennelse») eller vedtak («beslutning»). Reglane om formene for avgjerd dannar grunnlaget for den vidare behandlinga av sakene i ankeinstansen. Kapittel 12.3 gjeld òg lovforslaget kapittel 6 del VII (§§ 6-30 og 6-31). Departementet foreslår i lovforslaget del VII reglar om at jordskifteretten skal rapportere til matrikkelmyndigheita at det er sett fram krav om sak, og om resultatet av saka. Del VII har òg reglar om tinglysing av avgjerdene.

Kapittel 12.4 omhandlar visse sentrale delar av tvistelova som ikkje blir gjort gjeldande for sakbehandlinga i jordskifterettane. Kapittel 12.5 gjer greie for forslaget om ikkje å føre vidare ordninga med fremjingsvedtak.

*Kapittel 13* gjeld sakskostnader og gebyr. Lovforlaget til reglar går fram av lovforslaget kapittel 7.

Lovforslaget kapittel 7 deler reglane om saks-kostnader og gebyr inn i 6 underkapittel. I del I finst reglar om kva for sakskostnader partane til vanleg skal betale til jordskifteretten. Del II inne-held reglar om kva slags gebyr som skal betalast, kven som skal betale gebyr og storleiken på gebyra. I del III finn ein reglane om fordeling av sakskostnader mellom partane. Del IV inneheld reglar for kostnader til rettshjelp (advokat) og anna sakkunnig hjelp. Del V har reglar om kostna-der knytte til skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med jordskifte, anke med meir. I del VI er det samla opp andre reglar om sakskostnader som ikkje høver i dei andre under-kapitla.

Lovforslaget fører vidare ordninga med sideut-gifter. Sideutgifter er behandla i kapittel 13.2.3, og reglane går fram av lovforslaget § 7-1 bokstav g. Sideutgifter ved tiltaks- og vernejordskifte skal framleis berre betalast av den offentlege myndig-heita som står bak tiltaket eller vernet.

Partane skal etter lovforslaget framleis betale saks-kostnader. Kva som er saks-kostnader går fram av lovforslaget § 7-1.

Lovforslaget §§ 7-2 til 7-5 fører vidare reglane om gebyr for sak for jordskifteretten. Gebyra er inngangsgebyr, grenselengdegebyr og partsge-byr. Føresegna om at jordskifteretten kan endre dei samla gebyra dersom arbeidet med saka avvik nemnande frå det vanlege, blir òg ført vidare.

Departementet foreslår å føre vidare regelen om deling av kostnadene partane har. Kostnadene skal delast etter den nytten dei har av saka (§ 7-6). I tiltaks- eller vernejordskifte skal tiltakshavaren eller vernemyndigheita betale saks-kostnadene. Jordskifteretten kan leggje saks-kostnader knytt til tiltaks- eller vernejordskifte på partar som får netto nytte. Lovforslaget § 7-7 regulerer ansvaret for saks-kostnadene når ei sak blir trekt eller avvist, eller krav eller opplysningar kjem for seint. Da skal kostnadene leggjast på den som har valda kostnadene. Utgift som omsynet til berre enkelte eigedommar eller ein part har valda, kan jordskif-teretten leggje på vedkommande aleine.

Lovforslaget fører vidare systemet med at skjønnsprosesslova gjeld for skjønn som går som eiga sak for jordskifteretten. Det gjeld òg for reglane om saks-kostnader.

Lovforslaget fører òg vidare kostnadsreglane ved dom og rettsforlik i tvist. I begge tilfelle gjeld reglane i tvistelova. Regelen er at ved dom skal parten som vinn, få vederlag for eigne kostnader

til advokathjelp i tvisten. Til vanleg vil eit rettsfor-lik òg avgjere spørsmålet om saks-kostnader.

Lovforslaget lovfestar at staten har same ansvar for saks-kostnader ved sak for jordskifteret-ten som ved sak for tingretten (§ 7-15). Etter dette vil det ikkje vere nokon tvil om at partane kan krevje erstatning for det tap som feil frå jordskifte- retten har påført dei. Slik sak må reisast for ting- retten.

Departementet foreslår å ta bort reglane i gjel- dande jordskiftelov § 77 om at retten kan forplikte leigar til å gi eigar vederlag for saks-kostnader. Sidan departementet foreslår å avvikle minneleg jordskifte, tek ein òg bort reglane om saks-kostna- der for denne sakstypen.

I lovforslaget er alle reglar om forskott på saks-kostnader samla i ein paragraf (§ 7-13). I det alt vesentlege blir reglane om forskott ført vidare. Dette gjeld òg for reglane om rente på forskott.

Når det gjeld fristen for å betale, inneheld lov- forslaget ei harmonisering av lengda på fristen til det som gjeld for tingrettane. Fristen vil til vanleg vere 14 dagar. Dette er ei nedkorting med ein dag. Retten kan setje ein romslegare frist.

Lovforslaget inneheld ein eigen paragraf om kostnadene ved gjenopning (§ 7-12). Med unntak for at gebyret for krav om gjenopning er harmoni- sert til det som gjeld for gjenopning for tingretten, fører føresegna vidare gjeldande lov. Harmonise- ringa fører til ein auke på eitt rettsgebyr (frå fem til seks).

Proposisjonen *kapittel 14* gjeld rettsmiddel med vidare (kapittel 8 i lovforslaget). Omgrepet rettsmiddel omfattar både anke og krav om gjen- opning. Departementet foreslår i kapittel 14.1 at lagmannsretten skal vere ankeinstans ved avgjerd som jordskifteretten tek. Departementet foreslår i kapittel 14.2 som eit utgangspunkt at ein skal kunne anke avgjerdene jordskifteretten tek. For- mene for avgjerd går fram av lovforslaget § 6-23. Ut over dette foreslår departementet å oppheve løysinga med gjennomsyn som går fram av gjel- dande jordskiftelov § 72.

Prosessforma ved behandlinga av anke er behandla i kapittel 14.3. Forslaget til regel byggjer på at prosessforma må tilpassast det saka gjeld. Dette er ei naturleg følgje av at jordskifterettane fattar ulike slag avgjerder med ulike krav til pro- sess i første instans. Departementet foreslår at ei ankesak som gjeld jordskifte skal følgje reglane om saks-behandling i jordskiftelova så langt dei høver. Ved anke over dom, foreslår departementet at reglane i tvistelova skal gjelde. Er det anka over skjønn eller andre avgjerder etter lovforslaget kapittel 5, skal skjønnsprosesslova gjelde. Det kan

ankast over fleire typar avgjerder i den same saka. I lovforslaget foreslår departementet at slik anke kan behandlast som ei sak for lagmannsretten dersom førstelagmannen fastset dette. Sjølv om saka blir behandla som éi sak skal prosessreglane under behandlinga følgje den enkelte avgjerda som det er anka over.

Kapittel 14.4 gjeld samansetjinga av lagmannsretten ved behandlinga av anke. Departementet legg til grunn at lagmannsretten bør setjast saman ulikt alt etter kva det er anka over, og etter kompleksiteten i den enkelte ankesaka. Førstelagmannen, meddommarane og jordskiftelagdommaren får særlege roller ved førebuing og behandling av anke. Lovforslaget gir førstelagmannen i oppgåve å fastsetje kven som skal førebu saka, kven som skal vere leiar av retten, samansetjinga av retten, til dette i visse høve òg talet på meddommarar. Dersom det er anka over fleire avgjerder, fastset førstelagmannen òg om dei skal behandlast som éi ankesak.

Lovforslaget legg til grunn at det kan vere meddommar ved behandling av anke. Meddommarane skal hentast frå jordskifteutvala. Talet på meddommarar vil variere alt etter kva saka gjeld. Departementet foreslår likevel ei løysing som er meir fleksibel enn gjeldande løysing. Det kan redusere sakskostnadene for partane om lova opnar for at talet meddommarar i den enkelte saka kan bli færre enn i dag. Retten kan for eksempel i ei jordskiftesak setjast saman med ein meddommar, ein jordskiftelagdommar og ein juridisk dommar.

Lovforslaget legg til rette for at jordskiftelagdommaren kan delta ved behandling av anke og overskjønn i alle saker som er avgjort i jordskifteretten. I nokre saker, for eksempel i jordskiftesaker, fastset lova at jordskiftelagdommaren skal delta, i andre saksfelt, for eksempel ved overskjønn opnar lova for slik deltaking. Fleire høyringsinstansar foreslår at lova bør opne for at retten kan setjast med jordskiftelagdommar òg ved anke over tvist avgjort av tingretten dersom saka gjeld rettshøve knytt til fast eigedom. Departementet er samd i dette, og foreslår ei slik løysing.

Kapittel 14.5 gjeld kva for tidspunkt som gjeld for når ein anke kan fremjast. Departementet foreslår å halde fast ved gjeldande løysing som er at saka må vere avgjort og avslutta før partane kan anke. Med sikte på å leggje til rette for effektiv og smidig avvikling av saka foreslår departementet likevel at lova i noko større grad enn gjeldande lov skal opne for å setje ei avgjerd til «førehands påanke». Avgjerda om dette ligg til jordskifteretten.

Departementets forslag til ankefrist, ankefråsegn og fråfall av anke går fram av kapittel 14.6. Reglane byggjer i hovudsak på reglane i tvistelova. Det er innarbeidd egne reglar om ankefråsegn som gjeld anke over jordskifteavgjerd.

Departementet foreslår å føre vidare reglane om saksførebuing i jordskifteretten i hovudsak, og dei blir omtala i kapittel 14.7. Departementet foreslår ein ny regel som gjer det tydeleg at avgjerd om avvising eller oppfrisking skal treffast av lagmannsretten, ikkje jordskifteretten.

Kapittel 14.8 gjeld ankesum og silingsmekanismer. Departementet foreslår ein regel om at anken kan avvisast, hevast eller opphevast under saksførebuinga. Departementet foreslår òg ein tilvisingregel som mellom anna viser at silingsregelen i tvistelova gjeld ved dom. Ved anke over jordskifteavgjerd foreslår departementet at lagmannsretten kan nekte behandling av saka dersom retten finn det klart at anke ikkje ville kunne føre fram.

Prøvinga ankeinstansen skal gjere av avgjerder i jordskifteretten er omtala i kapittel 14.9.

Departementet meiner at det berre er behov for egne reglar om prøving av jordskifteavgjerd. Departementet foreslår at anke som ikkje fører til nemnande endring kan forkastast etter tvistelova § 29-23 andre ledd. Fører anken til nemnande endring, skal lagmannsretten treffe ny jordskifteavgjerd eller oppheve avgjerda. Når lagmannsretten tek ny avgjerd, kan retten prøve alle sider ved saka uavhengig av kva det er anka over. For å fylle vilkåret om at ingen skal li tap, må retten òg i nokre høve kunne gå ut over dei delane av jordskifteavgjerda som det er anka over.

Departementet foreslår i kapittel 14.10 ein regel som gir lagmannsretten rett til å be jordskifteretten om hjelp til teknisk arbeid.

I nokre høve kan avgjerda i ankeinstansen føre til at saka sendast tilbake for ny behandling i jordskifteretten. Departementet gjer greie for dette i kapittel 14.11. Ut frå prosessøkonomiske omsyn legg departementet opp til at slik retur til første instans berre bør skje unntaksvis.

Departementet foreslår i kapittel 14.12 ein enklare regel enn den ein har i dag om den kompetansen som lagmannsretten har til å setje frist for å setje i verk jordskiftet. Dersom frist ikkje er fastsett av lagmannsretten, kan førstelagmannen etter krav frå ein part fastsetje slik frist.

Det går fram av kapittel 14.13 at anke til Høgsterett følgjer reglane i tvistelova kapittel 29 eller 30. Gjeld anken jordskifteavgjerd, eller skjønn eller andre avgjerder tekne i samband med jord-

skifteavgjerd, kan det berre ankast over feil i rettsbruken eller feil ved saksbehandlinga.

Departementets forslag til reglar om gjenopning av sak er drøfta i kapittel 14.14. Det er behov for eigne reglar om dette for jordskifteavgjerd. Departementet foreslår å føre vidare regelen som gjeld i dag. Det inneber at den domstolen som gjenopnar saka berre skal gjere dei endringane som trengst for å rette opp mishøvet. Vil endringa ikkje stå i rimeleg høve til det ein kan oppnå ved gjenopninga, bør det vere mogleg å gjere opp endringane heilt eller delvis i pengar eller andre verdiar.

Proposisjonen *kapittel 15* gjeld ymse reglar, overgangsreglar og ikraftsetjing (kapittel 9 i lovforslaget). Reglane i lovforslaget kapittel 9 fører vidare fleire reglar i gjeldande jordskiftelov kapittel 12. I proposisjonen kapittel 15.1 blir reglane om handteringa av pengevederlag drøfta. Departementet foreslår reglar som skal hindre at for eksempel panthavarar lir tap (lovforslaget § 9-1). Departementet foreslår òg reglar om overføring av skyldnader som knyter seg til eigedom som er med i jordskifte (lovforslaget § 9-2), om den mel-

deplikta jordskifteretten har etter kulturminnelova (lovforslaget § 9-3), og den myndigheita jordskifteretten har til å ta avgjerd om fordeling av skogfond (lovforslaget § 9-4).

Straffeføresegna i gjeldande jordskiftelov § 95, som sanksjonerer brot på mellombelse reglar i ei jordskiftesak, blir ikkje ført vidare. Departementet meiner at brot på slike reglar ikkje er alvorlege nok til at dei kan sanksjonerast med straff. I kapittel 15.2 drøftar departementet spørsmål knytt til iverksetjing av lova og behovet for overgangsreglar, (lovforslaget §§ 9-5 og 9-6). Overgangsreglane inneber at saker som er til behandling i jordskifterettane når lova trer i kraft, skal behandlast ferdig etter reglane i gjeldande jordskiftelov. Anke som er innlevert før ikraftsetjinga, men som ikkje er behandla ferdig og avgjort, blir behandla ferdig av lagmannsretten som ankeinstans, og med lagmannsretten sett saman etter den nye lova.

Proposisjonen *kapittel 16* gjeld administrative og økonomiske konsekvensar.

Proposisjonen *kapittel 17* inneheld spesialmerknader til lovforslaget.

## 2 Bakgrunnen for lovforslaget

### 2.1 Innleiing

Det har i mange år vore ei vanleg oppfatning at jordskifteloven av 1979 er moden for revisjon. Lova er endra ei rekkje gonger, utan at det er gjort noka samla vurdering undervegs av korleis lova framstår. Lova er både uoversiktleg og vanskeleg tilgjengeleg. Behovet for ein brei gjennomgang av lova blei mellom anna teke opp i NOU 2002: 9 Jordskifterettens stilling og funksjoner. I Ot.prp. nr. 106 (2002–2003) Om lov om endringer i domstoloven og jordskifteloven (jordskifterettens stilling og funksjoner) slutta departementet seg til merknadene utvalet har om endringsbehovet. Departementet la til grunn at arbeidet med å vurdere endringsforslaga mest hensiktsmessig kunne skje ved ein total gjennomgang av lova. Landbruks- og matdepartementet ga ei arbeidsgruppe i oppdrag å foreta ein brei gjennomgang av lova. Arbeidet blei følgt opp av ei referansegruppe. Samansetjinga, mandatet og utgreiingsarbeidet til arbeidsgruppa, blir omtala i kapittel 2.2.1. og 2.2.2. Samansetjinga av referansegruppa går fram av kapittel 2.2.3. I kapittel 2.2.4 til 2.2.6 blir arbeidet med høyringsforslaget omtala, kven som har uttalt seg, og innhaldet i høyringsuttalane. I kapittel 2.3 gjer departementet greie for konsultasjonane med Sametinget og Norske Reindriftsamers Landsforbund. Behovet for lovendring er nærare behandla i kapittel 5 nedanfor.

### 2.2 Arbeidet med høyringsforslaget

#### 2.2.1 Mandatet til arbeidsgruppa

Landbruks- og matdepartementet ga arbeidsgruppa følgjande mandat:

##### «1. Bakgrunn

Det utvalet som behandla jordskifterettane si stilling og funksjonane deira – NOU 2002: 9 – peika m.a. på at etter den siste store lovrevisjonen i 1979, er det gjennomført ei rekkje enkeltstående lovendringar slik at lova no er så uover-

siktleg at det er nødvendig med ein brei gjennomgang, jf. òg landbruksministeren sin uttale i Stortinget i samband med behandlinga av Ot.prp. nr. 106 (2002–2003). Det ser òg ut til å vere semje i fagmiljøa om ein slik gjennomgang.

##### 2. Mål

Det skal skapast ei jordskiftelov som høver med tida og tilhøva ut frå dei behov eigarar, rettshavarar og samfunnet elles har for å løyse tvistar og problem knytt til utnytting og bruk av fast eigedom.

##### 3. Generelt

Alle delar av jordskiftelova skal vurderast. Det skal leggjast til grunn at jordskifterettane framleis skal vere organisert som ein domstol, slik det er lagt til grunn i NOU 2002: 9 og ved den seinare behandlinga av ho. Teknisk arbeid i form av grensemerking, landmåling m.v. skal framleis vere ein integrert del av domstolen sitt arbeid.

Lova skal ha ein oversiktleg struktur og vere tilgjengeleg på eit vis som samsvarar med krava til ei moderne lov. Dette skal gjerast so vel med sikte på den bruk profesjonelle aktørar gjer av lova, som på at lova skal vere tilgjengeleg for å kunne nyttast av folk flest.

Arbeidet skal utførast av ei arbeidsgruppe som blir peika ut av Landbruks- og matdepartementet. Departementet kan etter råd frå gruppa fastsetje at ho skal setjast saman på ulikt vis ut frå dei spørsmåla som skal behandlast.

Arbeidet skal gjerast i samarbeid med dei som har yrket sitt i jordskifterettane og andre som har erfaring med det arbeidet jordskifterettane gjer. Departementet vil nemne opp ei referansegruppe i samråd med arbeidsgruppa. Nokre av medlemmene i gruppa kan veksle med dei spørsmåla som skal behandlast.

I samråd med departementet kan arbeidsgruppa gje oppdrag til andre for å greie ut spørsmål som krev kunnskap ut over det arbeidsgruppa har sjølv. Eit høyringsutkast skal liggje føre seinast den 1. juli 2007.

##### 4. Særskilde emne

Arbeidsgruppa skal sjå til at:

a) Lova gjer det klart kva som er jordskifteretten sine oppgåver. Det skal vurderast om lova bør redigerast slik at dei ulike sakstypene med tilhøyrande saksbehandlingsreglar blir behandla i ulike kapittel. Det skal vurderast om reglane om jordskifteretten sin kompetanse i andre lover skal takast inn i jordskiftelova.

b) Tvistelova, skjønnslova og anna prosesslovgeving blir gjort gjeldande for jordskifterettane, så langt ikkje særlege omsyn tilseier noko anna. Her skal arbeidsgruppa og ta stilling til kva form tilvisingane til anna prosesslovgeving bør ha. Det er ønskeleg at nemningane i saksbehandlingsreglane og på avgjerdsformene, så langt det er mogleg, blir like nemningane i anna prosesslovgeving.

c) Reglane om anke osv. over dei avgjerder jordskifterettane tek, blir samordna så langt det er tenleg og omsynet til partane sin rettstryggleik tilseier det. Det skal særskilt vurderast om ein skal ha to ulike instansar som i dag, eller om til dømes desse instansane kan samordnast til eller avløyast av ein. Det skal her vurderast om og i tilfelle korleis det skal kunne ankast over avgjerder av skjønnsmessig art, og om det bør fastsetjast reglar som set grenser for ein slik rett, om ankesum og liknande.

d) Det blir teke stilling til om dei reglane som i dag legg avgjerdsmyndigheit til ulike domstolar i saker av same slag bør oppretthaldest, eventuelt om det her er behov for endringar, jf. dei arbeidsoppgåvene som er nemnde i NOU 2002: 9 kap. 9.3.6.6.1.

e) Reglar som ikkje lenger er høvelege etter tida og tilhøva blir tatt ut av lova.»

### 2.2.2 Arbeidsgruppa

Under det meste av arbeidet bestod arbeidsgruppa av ekspedisjonssjef (pensj.) Kåre Selvik, avdelingsdirektør Frode Langaker og seniorrådgivarane Ingrid Aasen, Anton Bachke og Tom Saugnes. Jordskifterettsleiar Arve Konstali var med i arbeidet frå januar til september 2009.

### 2.2.3 Referansegruppa

Referansegruppa bestod av:

- Advokat Kristin Bjella,
- Lagmann (pensj.) Alf Bruland,
- Jordskifteoverdommar Ranveig Finnanger, Eidsivating jordskifteoverrett, ho avløyste jordskifterettsleiar Liv O. Nergaard, Nord-Troms jordskifterett

- Jordskiftedommar Ove Flø, Akershus og Oslo jordskifterett
- Tingrettsdommar Tore Hagen, Follo Tingrett
- Avdelingsdirektør ved Domstoladministrasjonen Solveig Moen, ho avløyste sin forgjengar, no seniorrådgivar Anton Bachke
- Sjefingeniør Tormod Olsen, Vegdirektoratet
- Seniorrådgivar Karl Inge Rommen, Miljøverndepartementet
- Seniorrådgivar Kirsti Saur, Domstoladministrasjonen
- Professor Hans Sevattal, Universitet for miljø og biovitenskap
- Lovrådgivar Karl-Otto Thorheim, Justisdepartementet.

Dagleg leiar Una Kvalvåg, Dekar AS, var òg ei tid med i gruppa. Det blei halde ni møter i referansegruppa. Ikkje alle medlemmene var med på alle møta.

Arbeidsgruppa viser til at den hadde stor nytte av samarbeidet med referansegruppa. Arbeidsgruppa streka likevel under at høyringsforslaget stod heilt for arbeidsgruppa si rekning. Høyringsnotatet gjer derfor ikkje nærare greie for dei ulike oppfatningane i referansegruppa.

### 2.2.4 Arbeidet med høyringsforslaget

Arbeidsgruppa publiserte sine notat og forslag på Landbruks- og matdepartementets heimesider etter kvart som notata blei lagt fram for referansegruppa. Referat frå møta i referansegruppa blei lagt ut på heimesidene. Blant anna på bakgrunn av det som blei publisert på denne måten mottok arbeidsgruppa ei rad ulike innspel om korleis lova burde bli samstundes som gruppa arbeidde med eit høyringsnotat. Arbeidsgruppa mottok òg innspel i andre samanhengar:

- Arbeidsgruppa var til stades på fleire samlingar for jordskifterettsleiarar og jordskiftedommarar, og mottok ei rad innspel frå desse.
- Jordskifteoverdommar Magne Reiten skildra arbeidet jordskifteoverrettane har i eit eige brev datert 6. oktober 2007. Brevet blei lagt ved høyringsnotatet som vedlegg 5.
- I 2007 hadde medlemmer frå arbeidsgruppa eit møte med førstelagmennene.
- Same året møtte òg medlemmer frå arbeidsgruppa jordskifteoverrettane.
- I tillegg besøkte arbeidsgruppa Nacka Tingsrett for å hente inn kunnskap om tilsvarende regelverk i Sverige. Eit samandrag av dei sven-



- ske reglane blei teken inn som vedlegg 4 i høyringsnotatet.
- Domstoladministrasjonen blei beden om å gjere serleg greie for administrative og organisatoriske konsekvensar av dei ulike forslaga til rettsmiddelordning. Utgreiinga blei teken inn som vedlegg 3 i høyringsnotatet.
  - Arbeidsgruppa hadde eit møte over to dagar med jordskiftedommarar, den såkalla «Reiten-gruppa», som blei peika ut av Domstoladministrasjonen.
  - Arbeidsgruppa mottok i tillegg ei rekkje skriftlege innspel frå ulike hald.

### 2.2.5 Høyringa

Forslaget til arbeidsgruppa blei sendt på høyring til:

- Departementa
- Fylkeskommunane
- Fylkesmennene
- Jordskifterettane
- Jordskifteoverrettane
- Kommunane
- Lagmannsrettane
- Avinor AS
- Den norske Advokatforening
- Den norske Dommerforening
- Direktoratet for naturforvaltning
- Domstoladministrasjonen
- Finnmarkseiendommen
- Friluftsrådernes Landsforbund
- Huseiernes Landsforbund
- Innovasjon Norge
- Jernbaneverket
- Kommunenes Sentralforbund
- Kystverket
- Likestillingsrådet
- Norges Bondelag
- Norges Eiendomsmeglerforbund
- Norges Ingeniør- og Teknologorganisasjon, NITO
- Norges Jeger- og Fiskerforbund
- Norges Jordskifte kandidatforening
- Norges Kart- og Landmålerforening
- Norges Lensmanns- og Politilederlag
- Norges Naturvernforbund
- Norges Skogeierforbund
- Norges Takseringsforbund
- Norges vassdrags- og energidirektorat
- NORSKOG
- Norsk Almenningsforbund
- Norsk Bonde- og Småbrukarlag
- Norsk forening for landbruksrett

- Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning
- Norsk senter for bygdeforskning
- Norsk Tjenestemannslag
- Norske Reindrifsamers Landsforbund
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- Opplysningsvesenets fond
- Parat
- Reindriftsforvaltninga
- Riksantikvaren
- Statens landbruksforvaltning
- Sametinget
- Statens kartverk
- Statens landbruksforvaltning
- Statskog SF
- Tekna – Teknisk-naturvitenskapelig forening
- Universitetet for miljø- og biovitenskap
- Universitetet i Oslo
- Universitetet i Bergen
- Universitetet i Tromsø
- Vegdirektoratet, Statens vegvesen

I alt sende 63 organ, organisasjonar og samanslutningar innspel til departementet i høyringa. Innhaldet i innspela varierte frå ingen merknader (14 instansar), til prinsipielle og detaljerte kommentarar. Nokre høyringsinstansar hadde berre merknader til eitt eller to av forslaga. Mange høyringsinstansane hadde detaljerte kommentarar til heile høyringsforslaget. Høyringsinnspela er samla på om lag 400 sider.

Tre departement; Justisdepartementet (JD), Miljøverndepartementet (MD) og Samferdselsdepartementet (SD), sende merknader til høyringsforslaget. Ei rekkje departement gav uttrykk for at dei ikkje hadde merknader. Dette gjeld Fiskeridepartementet (FKD), Fornyings- administrasjons og kyrkjedepartementet (FAD), Forsvarsdepartementet (FD), Helse- og omsorgsdepartementet (HOD), Kulturdepartementet (KUD), Kunnskapsdepartementet (KD), Nærings- og handelsdepartementet (NHD) og Utenriksdepartementet (UD). Finansdepartementet (FIN) ville sjå oppfølginga av lovforslaga før dei tok stilling til forslaga.

Landbruks- og matdepartementet har stort sett fått samleuttalar frå domstolane. Uttalane representerer førstelagmennene i Borgarting, Agder og Hålogaland lagmannsrett, jordskifteoverrettane og jordskifterettane i heile landet. I tillegg har nokre jordskifterettar sendt egne uttalar, og Høgsterettsjustitiarius har uttalt seg om anke til Høgsterett.

Domstoladministrasjonen (DA) har kome med uttale som organisasjonsansvarleg for domstolane.

DA vurderte dessutan særleg økonomiske og administrative følgjer av forslaga om endring i gebyrordninga og i reglane om anke.

Elles har desse instansane hatt merknader til høyringsforslaget:

- Avinor AS
- Den norske Advokatforening
- Den norske Dommerforening
- Direktoratet for naturforvaltning
- Fylkesmannen i Hedmark
- Fylkesmannen i Hordaland
- Fylkesmannen i Rogaland
- Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
- Hordaland politidistrikt
- Høgskolen i Bergen, Avdeling for ingeniørutdanning
- Jernbaneverket
- Jordskifte kandidatforeningen
- Naturviterne
- Nedre Eiker kommune
- Norges Bondelag
- Norges Politilederlag
- Norges Skogeierforbund
- Norske Reindriftsamers Landsforbund
- Norske Samers Riksforbund
- NORSKOG
- Politidirektoratet
- Reindriftsforvaltningen
- Reinbeitedistrikt 36
- Rødøy kommune
- Språkrådet
- Statens Kartverk
- Statens vegvesen
- Stavanger kommune
- Sør-Trøndelag politidistrikt
- Tekna – Teknisk-naturvitenskapelig forening
- Universitet for miljø- og biovitenskap, Institutt for landskapsplanlegging
- Universitetet i Tromsø, Samerettsgruppa ved juridisk fakultet
- Østfold fylkeskommune

Ei rekkje instansar gir uttrykk for at dei ikkje har merknader til høyringsforslaget. Dette er Fylkesmannen i Vestfold, Fylkesmannen i Telemark, Grong kommune, Norges vassdrags- og energidirektorat, Næringslivets hovedorganisasjon og Riksantikvaren.

### 2.2.6 Innhaldet i høyringsuttalane

Hovudinstrykket frå høyringa er at høyringsinstansane tilrår hovudlinene i forslaga som blei sendt på høyring.

*Justisdepartementet* uttaler at:

«...høyringsnotatet gir en god og oversiktlig informasjon om gjeldende rett og at den inneholder grundige drøftelser av utkastet til ny lov om jordskifte, herunder er forholdet til tvistelovens saksbehandlingsregler nøye vurdert.»

*Domstoladministrasjonen* uttaler:

«DA vil innledningsvis peke på at det i lovutkastet er gjort en rekke forbedringer i forhold til dagens lov. Spesielt vil vi peke på at vesentlige deler av terminologien er gjort generell og at den ikkje ensidig er rettet mot landbrukseiendommer. Dette er en nødvendig endring i og med at loven gjelder for hele landet og for alle typer eiendommer.»

*Norges Bondelag* uttaler:

«Norges Bondelag anser jordskifteretten som et viktig verktøy for å forebygge og løse konflikter vedrørende fast eiendom. Flere av endringene som foreslås i «Høyringsnotat om ny jordskiftelov» (av 21. august 2009), vil bidra til en styrking av jordskifterettens stilling ved økt tilgjengelighet og økt tillit hos borgerne. Norges Bondelag støtter utkastet til ny jordskiftelov med de presiseringer som fremgår av dette brevet.»

Ei rekkje høyringsinstansar har likevel til dels omfattande kritiske merknader. Nokre av dei som fremjar slik kritikk er heller ikkje samde i løysingane i høyringsforslaget. Andre, og det gjaldt særleg jordskiftedomstolar som uttaler seg, peikar på at høyringsforslaget ikkje var ferdig forberedt da det blei sendt på høyring. DA uttaler om dette:

«DA er imidlertid av den oppfatning at deler av lovens kap. 3 – «Jordskifte» og kap. 6 – «saksbehandlingsregler,» fremdeles fremstår som noe uferdig.»

Nokre av høyringsinstansane, for eksempel jordskifterettane i *Eidsivating jordskiftedømme* og *Den norske advokatforening*, ønskte at eit justert lovforslag skulle sendast på ny høyring før arbeidet med lovproposisjonen starta opp.

Departementet meiner at det ikkje er behov for ny ordinær høyring i forkant av proposisjonsarbeidet. Departementet viser til at dei hovudspørsmåla som er tekne opp i lovforslaget har vore hørt. I lovforslaget er det dessutan innarbeidd endringar som tek vare på dei detaljerte merknadene som har kome inn i samband med

høyringa. Departementet er òg merksam på at ny høyring truleg vil kunne utsetje iverksetjing av ny lov i fleire år utan at det gir nokon garanti for at detaljane i lovforslaget blir monaleg betre enn dei kan bli ved å førebu lova på vanleg måte.

Nokre høyringsinstansar gir uttrykk for at arbeidet med eit høyringsforslaget burde vore gjort av andre enn tilsette i departementet, helst av eit offentleg utval der samansetninga i utvalet kunne reflektere ulik fagleg kunnskap. *Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme*, *Den norske advokatforening* og *Tekna* er eksempel på instansar med dette synet. I uttalen frå *Tekna* heiter det om dette:

«Etter Teknas vurdering burde derfor lovarbeidet vært organisert på den måten som er vanlig i slike tilfelle: med et bredt sammensatt offentlig utvalg.»

I uttalen frå *Agder lagmannsrett* blir det på den andre sida vist til at høyringsforslaget byggjer på ein open og konstruktiv prosess. I uttalen heiter det:

«Jeg nevner først at jeg har deltatt i en uformell gruppe sammen med førstelagmennene i Borgarting og Frostating, jordskifteoverdommerne i Agder og Frostating og representanter for Domstoladministrasjonen, som har fulgt arbeidet med lovutkastet i arbeidsgruppen nedsatt av Landbruks- og matdepartementet, og som har gitt innspill underveis spesielt til utforminga av rettsmiddelordningen. Jeg viser også til brev til Landbruks- og matdepartementet fra førstelagmann Nils Erik Lie 15. mai 2009. Som det fremgår, har også våre standpunkter gjennomgått en modningsprosess underveis, slik at det har funnet sted en gjensidig tilpassning i en prosess som har vært konstruktiv. Jeg konstaterer at arbeidsgruppen i stor grad har vært lydhør overfor forslag og synspunkter fra vår gruppe, og den siste versjon av lovutkastet som nå er sendt på høyring, har også gjennomgått en betydelig lovteknisk forbedring og finpussing som medfører at helhetsinntrykket av forslaget til ny jordskiftelov nå er overveiende positivt så langt jeg har gjennomgått det.»

Dei høyringsinstansane som særleg kommenterte *lovstrukturen*, er samde om at hovudstrukturen i høyringsforslaget er god. Blant desse er fleire *jordskifterettar* og *jordskifteoverrettane*, samt *Fylkesmannen i Sør-Trøndelag*, *Direktoratet for naturforvaltning*, *Jernbaneverket*, *Norges Bondelag*, *Nor-*

*ges Skogeierforbund*, *NORSKOG*, *Statens kartverk* og *Tekna*. Det blir vist til at det er bra å ha egne kapitlar for kvar sakstype, og å skilje mellom materielle og prosessuelle reglar. *Justisdepartementet* nemner òg dette i samband med forslag til kapitlet om jordskifte, og uttalar:

«Justisdepartementet støtter arbeidsgruppen i at man i større grad bør skille mellom materielle og prosessuelle regler og ha egne kapitler for de ulike sakstypene. Dette letter oversikten.»

Fleire av høyringsinstansane kommenterer *formålet* i lova. Blant desse er *Miljøverndepartementet*, *Justisdepartementet*, *Domstoladministrasjonen*, *seks innspel frå jordskifterettar* og *jordskifteoverrettane*, *Den norske Advokatforening*, *Jernbaneverket*, *Norges bondelag* og *Norges jordskifte kandidatforening*. Alle var samde i at lova bør ha eit formål. Nokre, blant dei *Domstoladministrasjonen*, peiker på at korkje formålet eller ein del sentrale omgrep er godt nok gjennomarbeidd. Høyringsinstansane har ulike konkrete forslag til endringar. Dei er nærare reflekterte i kapittel 6 i samband med departementets gjennomgang av formålet for lova. Dei jordskifterettane som uttalar seg, ønskjer at formålsparagrafen i større grad enn det som blei sendt på høyring, skal reflektere det som er særleg for jordskifte. Nokre høyringsinstansar meiner at regelen i høyringsnotatet er uklar. *Justisdepartementet* peikar på at det er viktig at proporsjonalitetsprinsippet kjem fram i formålsparagrafen, men etterlyser samtidig ei grunngeving for at andre sentrale grunnprinsipp i prosessen ikkje takast med. Nokre høyringsinstansar, blant dei *Den norske advokatforening* og *Jernbaneverket*, har konkrete tekstforslag til formålsparagrafen.

Nokre høyringsinstansar uttalar seg til *verkeområdet* for lova. Dette er *Miljøverndepartementet*, *Justisdepartementet*, *Domstoladministrasjonen* og nokre av *jordskifterettane*. Det blir vist til at verkeområdet er knytt til fast eigedom, og at lova òg må gjelde i vatn, vassdrag og sjø. Det blir vidare framheva som bra at ein foreslår å oppheve avgrensinga av den kompetansen som jordskifteretten har, til landbruks- natur- og friluftsområde. *Justisdepartementet* ber om ei vurdering av ein forskriftsheimel som opnar for at jordskiftelova skal kunne gjelde på Svalbard.

Fleire høyringsinstansar uttalar seg til *definisjonane* i høyringsforslaget § 1-3. Dette er *Miljøverndepartementet*, *Justisdepartementet*, *Domstoladministrasjonen*, nokre av *jordskifterettane* og *jordskifteoverrettane*. I tillegg kommenterer *Fylkes-*

*mannen i Hordaland, Advokatforeningen, Høgskolen i Bergen og Jernbaneverket* forslaget. Blant dei som gir slik uttale, ser det ut til å vere semje om at det bør vere ein regel som definerer sentrale omgrep. Dette gjeld særleg omgrep som er spesielle for det arbeidsfeltet jordskifteretten har. Kommentaranane frå høyringsinstansane er elles svært konkrete og knytt til kvar enkelt definisjon. Dette er nærare omtala i kapittel 6 i samband med departementets gjennomgang av definisjonar.

Mange høyringsinstansar uttaler seg om *organiseringa* av jordskifterettane og *samansetjinga* av retten i den enkelte saka (høyringsforslaget kapittel 2). Dette er *Justisdepartementet, Domstoladministrasjonen, sju jordskifterettsuttalar, Fylkesmannen i Hordaland, Den norske Advokatforening, Dommerforeningen, Jernbaneverket, Norges Bondelag, Norges Skogeierforbund, Tekna og Samerettsgruppa* ved det juridiske fakultet ved Universitetet i Tromsø. Mange av merknadene er detaljerte og tekniske, som for eksempel kvar tilvisinga til liknande reglar i domstollova bør stå. Der dette har noko å seie for departementets forslag til ny jordskiftelov, er slike detaljar omtala i kapittel 7 i samband med departementets forslag til reglar om jordskifterettane. I stort blir det vist til at det blir utdanna for få jordskifte-kandidatar i dag, slik at det er ei utfordring å sikre tenleg rekruttering til dommarstillingar og stillingar som teknisk personale. Krava til alder på dommarar, og utdanninga av dei, blir óg kommentert. Ingen av dei høyringsinstansane som uttaler seg om det, meiner at det er uheldig å bruke tittelen jordskiftedommarfullmektig. Av dei høyringsinstansane som uttaler seg om samansetjinga av retten, er det ingen som rår frå at jordskifteretten som hovudregel skal setjast med jordskiftedommaren som einedommar. Fleire høyringsinstansar, mellom anna *Norges Skogeierforbund*, viser likevel til at det vil vere verdifullt å ha meddommarar med saker for jordskifteretten. Det blir elles peika på at samansetjinga av retten i det konkrete tilfellet må opne for at det kan takast omsyn til at det ofte er aktuelt å nytte fleire verkemiddel i jordskiftelova i den same saka. Det er ikkje alltid klart kva for verkemiddel som er aktuelle. Særleg tilhøvet til meddommarar der krav om jordskifte og krav om skjønn gjer seg gjeldande i same sak, blir kommentert. I samband med dette peikar fleire på at det er ønskeleg at meddommarane i jordskiftesak og skjønn blir valt frå det same utvalet. *Domstoladministrasjonen* viser elles til at det trengst ein regel om at det kan oppnemnast skjønnsmedlem med særlege kunnskapar utanfor utvala.

Mange høyringsinstansar uttaler seg til reglane om jordskifte (høyringsforslaget kapittel 3). Dette er *Miljøverndepartementet, Justisdepartementet, jordskifteoverrettane og seks jordskifterettar*. I tillegg uttaler *Fylkesmannen i Hordaland, Stavanger kommune, Den norske Advokatforening, Direktoratet for naturforvaltning, Jernbaneverket, Norges Bondelag, Norges Skogeierforbund, Norske reindriftsamers landsforbund, NORSKOG og Universitet for miljø- og biovitenskap* seg. Uttalane gjeld plasseringa av reglane, ordlyden, ei rekkje av dei omgrepa som blir brukt i høyringsforslaget, samanhengar med andre reglar og innhaldet i forslaga. Nokre av høyringsuttalane, frå for eksempel *Norges Skogeierforbund og Direktoratet for naturforvaltning*, gjeld eitt eller to av forslaga, medan andre uttaler – og særleg uttalane frå jordskifteoverrettane og jordskifterettane gjeld nær sagt alle forslaga til reglar. Enkelte, som *Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme*, utarbeide og oversendte noko nær eit nytt eige kapittel med forslag til reglar om jordskifte. Innhaldsmessig er uttalane i store trekk knytt til hovudspørsmål som ikkje-tapsgarantien, vedtak om fremjing, verdsetjing, behandlinga av særlege råderettar over framand fast eigedom (servituttar) og sameiger, fellestiltak og jordskifte i tettbygde strok.

Departementet gjer nærare greie for merkna-dene i samband med forslaga til konkrete reglar, sjå kapittel 8. *Miljøverndepartementet* ønskjer ei nærare utgreiing av jordskiftelova og bruk av plan og bygningslova. *Universitet for miljø- og biovitenskap* ber om ei grundigare opprydding i reglane om verdsetjing. *Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* foreslår at det bør setjast ned ei arbeidsgruppe med eit breitt kunnskapsgrunnlag som kan utarbeide praktiske verktøy til bruk ved jordskifte i tettstader.

Fleire høyringsinstansar uttaler seg om *rettsutgreiing og grensesak* (høyringsforslaget kapittel 4). Dette er *Justisdepartementet, Miljøverndepartementet, Domstoladministrasjonen, jordskifteoverrettane og alle jordskifterettane*. I tillegg uttaler *Jernbaneverket, Norges jordskifte-kandidatforening, Statens kartverk og Tekna* seg om kapitlet. Uttalane gjeld ordlyden i reglane, nokre omgrep som er brukt i høyringsforslaget, samanhengar med andre reglar og innhaldet i forslaga. Nokre av høyringsuttalane gjeld eitt eller to av forslaga, medan andre uttalar – og særleg uttalane frå jordskifteoverrettane og jordskifterettane gjeld nær sagt alle forslaga til reglar. Innhaldsmessig er uttalane i store trekk knytt til hovudspørsmål som bruk av forliksråd eller forliksrådlignande løysingar før saka kjem til jordskifteretten, tilhøvet mellom

matrikkellova og kompetansen etter jordskifte-  
lova, og ulike syn på forslaga om å utvide kompe-  
tansen jordskifteretten har. Nokre av dei som utta-  
ler seg viser til at uttrykket «semjedom» er uhel-  
dig. Det skal gjerast nærare greie for merknadene  
i samband med forslaga til konkrete reglar, sjå  
kapittel 9 og 10.

Ei rekkje høyringsinstansar uttaler seg til for-  
slaga som gjeld skjønn (høyringsforslaget kapittel  
5). Dette er *Justisdepartementet, Samferdselsdepar-  
tementet, Domstoladministrasjonen, jordskifteover-  
rettane, og fleire jordskifterettar*. I tillegg gir *Den  
norske Advokatforening, Direktoratet for naturfor-  
valtning, Jernbaneverket, Norges Bondelag, Dom-  
marforeninga i Norges juristforbund, Norske  
Samers Riksforbund og Statens vegvesen* uttale til  
forslaga. Hovudintrykket frå høyringa er at høyr-  
ingsinstansane i stor grad sluttar seg til dei  
hovudgrepa som arbeidsgruppa foreslår med  
omsyn til å samle reglar om skjønn jordskifteret-  
ten held i jordskiftelova, oppheve den stadlege  
kompetanseavgrensinga for jordskifterettane, og  
å utvide kompetansen jordskifterettane har til å  
behandle skjønn. Nokre høyringsinstansar, mel-  
lom dei *Justisdepartementet* etterlyser ein meir  
overordna vurdering av spørsmålet om dobbel-  
kompetanse. Andre viser til at fleire skjønn enn  
dei som arbeidsgruppa foreslår, bør overførast til  
jordskifterettane fordi jordskifterettane er godt  
egna til å behandle desse sakene. Departementet  
gjer nærare greie for merknadene i samband med  
forslaga til konkrete reglar, sjå kapittel 11.

Mange høyringsinstansar uttaler seg til for-  
slaga som gjeld saksbehandling (høyringsforsla-  
get kapittel 6). Dette er *Miljøverndepartementet,  
Justisdepartementet, Samferdselsdepartementet,  
Domstoladministrasjonen, jordskifteoverrettane, sju  
jordskifterettar*. I tillegg uttaler *Fylkesmannen i  
Hordaland, Jernbaneverket, Norges Bondelag, Sta-  
tens kartverk og Norges jordskifte kandidatforening*  
seg. Mange høyringsinstansar kommenterar tilvi-  
singsteknikken mellom jordskiftelova og tviste-  
lova. Nokre meiner at løysinga i høyringsforslaget  
er tenleg. Andre, og særleg jordskiftemiljøet,  
ønskjer ei løysing meir i tråd med gjeldande  
reglar. I begge høve ber fleire høyringsinstansar  
om ein konkret gjennomgang av kva for reglar i  
tvistelova som bør gjelde i jordskifteprosessen.  
Fleire høyringsinstansar viser til at kapitlet om  
saksbehandling er stort, og at det er behov for  
underkapittel. Innhaldsmessig er uttalane i store  
trekk knytt til hovudspørsmåla i kapitlet. Dette er  
spørsmålet om kven som skal kunne krevje sak,  
innhaldet i kravet, behandlinga av kravet, om det  
er nødvendig med eit fremjingsvedtak, og kva for

avgjerdsformer retten skal gjere bruk av. Det gje-  
rast nærare greie for merknadene i samband med  
forslaga til konkrete reglar, sjå kapittel 12.

Fleire høyringsinstansar uttaler seg til forslaga  
som gjeld sakskostnader (høyringsforslaget kapit-  
tel 7). Dette er *Justisdepartementet, Domstoladmi-  
nistrasjonen, jordskifteoverrettane, jordskifteuttalar  
som representerer rettane i Eidsivating, Agder,  
Gulating, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag og Hålo-  
galand jordskiftedømme*. I tillegg uttaler *Avinor,  
Jernbaneverket, Norges jordskifte kandidatforening,  
Statens kartverk og Statens vegvesen* seg. *Dom-  
stoladministrasjonen* har gjort ei undersøking av  
rettsgebyra, og vurdert dei økonomiske conse-  
kvensane av forslaga til endringar i høyringsfor-  
slaget. Uttalane frå høyringsinstansane tek  
utgangspunkt i hovudspørsmåla i høyringsforsla-  
get. Det er gjort nærare greie for merknadene i  
samband med forslaga til konkrete reglar, sjå  
kapittel 13.

Mange høyringsinstansar uttaler seg om retts-  
middelkapitlet (høyringsforslaget kapittel 8).  
Dette er *Justisdepartementet, Domstoladministra-  
sjonen, Agder lagmannsrett, jordskifteoverrettane  
og seks jordskifterettar*. I tillegg uttaler *Fylkesman-  
nen i Hordaland* seg. Det same gjer *Norges Bonde-  
lag, Jernbaneverket, Dommarforeninga i Norges  
Juristforbund, NORSKOG og Samerettsgruppa ved  
juridisk fakultet ved Universitetet i Tromsø. Dom-  
stoladministrasjonen* gjer i eige brev i tillegg til  
høyringsuttalen sin greie for økonomiske og admi-  
nistrative konsekvensar av forslaga til ny retts-  
middelordning. Der dette har noko å seie for  
departementets forslag til ny jordskiftelov, gjerast  
det greie for høyringsuttalane i kapittel 14. Dei  
administrative og økonomiske konsekvensane  
omtalast dessutan i kapittel 16. Nokre uttalar gjeld  
berre eitt eller to forslag. Andre uttalar gjeld  
mange og til dels detaljerte spørsmål knytt til for-  
slaga i kapitlet. Med unntak av *NORSKOG*, går  
alle høyringsinstansane som uttaler seg om spørs-  
målet, inn for at lagmannsretten skal bli ankein-  
stans i alle saker frå jordskifteretten. Dei går i  
samband med dette inn for at jordskifteoverdom-  
marane skal integrerast i lagmannsretten som  
jordskiftelagdommarar. Ei rekkje høyringsinstan-  
sar foreslår at jordskiftelagdommarane ut over å  
delta ved behandlinga av anke over dommar frå  
jordskifteretten, òg skal delta ved avgjerd i saker  
om fast eigedom som avgjerast i tingretten.

*Agder lagmannsrett* uttaler:

«Jordskiftedommeren bør kunne delta ved  
behandling av anker over dommer i saker frå

tingretten om fast eiendoms rettsforhold og i overskjønn. I en uttalelse til Domstoladministrasjonen har Agder lagmannsrett uttalt seg positivt til et forslag om å kunne sette retten med jordskiftelagdommer også ved behandling av anker frå tingretten i saker om fast eiendoms rettsforhold. Dette er en naturlig følge av at jordskiftelagdommerne blir fullt integrert i lagmannsrettens organisasjon.».

*Dommarforeninga i Norges Juristforbund uttaler:*

«En slik ordning vil medføre en betydelig forenkling for brukerne. Samtidig tilføres lagmannsretten verdifull kompetanse. Forslaget legger opp til en fleksibilitet når det gjelder bruken av denne ressurs ved dommersammensetningen også utenfor de tradisjonelle jordskiftesaker. Dette er en positiv sideeffekt av omlegginga som samtidig bidrar til å lette integreringsprosessen i ankedomstolen.»

Fleire uttalar gjeld samansetjinga av retten. I store trekk synest høyringsinstansane å rå til dei løysingane som arbeidsgruppa foreslår. Dette gjeld mellom anna forslaget om at førstelagmannen skal kunne avgjere korleis samansetjinga skal vere i ein del tilfelle. Fleire høyringsinstansar peikar likevel på at lova ikkje bør opne for at førstelagmannen kan fastsetje at det ikkje skal vere nokon jordskiftelagdommar med ved ankebehandlinga i saker som er behandla i jordskifteretten i første instans.

Fleire uttalar gjeld òg prosessforma i lagmannsretten. Høyringsinstansane sluttar seg til at prosessforma i saker som i dag blir behandla i lagmannsretten, framleis skal følgje reglane i tvistelova. Dei sluttar seg òg til at skjønn skal følgje skjønnsprosesslova. Eit fleirtal av dei som uttaler seg, er likevel ikkje samde i høyringsforslaget om at jordskiftesaker og saker der jordskifte og skjønn er kombinerte skal følgje prosessreglane i skjønnsprosesslova. I slike saker foreslår høyringsinstansane at reglane i jordskiftelova skal bli hovudregelen.

Det er gjort nærare greie for andre merknader i samband med forslaga til konkrete reglar, sjå kapittel 14.

Ut over dette gjeld høyringsuttalane òg forslaga til endringar i andre lover, som domstollova, grannegjerdelova, lov om ymse beitespørsmål, veglova, lov um særlege råderettar over framand fast eigedom (servituttløva), lov om dokumentavgift, lov om rettsgebyr, lov om laksefisk og innlandsfisk, reindriftslova og matrikkellova. Det er

gjort nærare greie for uttalane i samband med drøftinga av forslaga til konkrete reglar i kapitla 6 til 15 i proposisjonen.

Meir detaljorienterte uttalar, som det har kome svært mange av, er òg vurderte og i mange tilfelle innarbeidd i forslaget til ny lov, men av omsynet til omfanget på proposisjonen, er ikkje alle uttalane refererte her.

## 2.3 Konsultasjon med Sametinget og Norske Reindriftsamers Landsforbund

Det er gjennomført konsultasjonar om lovforslaget med Sametinget og Norske Reindriftsamers Landsforbund (NRL). Konsultasjonane er basert på avtalen mellom staten og Sametinget om prosedyrar for konsultasjon, stadfesta ved kongeleg resolusjon 1. juli 2005. Grunnlaget for konsultasjonane er dei oppgåvene jordskifteretten har i høve til den samiske reindrifta. Desse oppgåvene blir ført vidare i den nye lova.

Det er gjennomført tre konsultasjonsmøter, der Sametinget og NRL saman har møtt departementet. I samband med konsultasjonsmøtene har Sametinget og NRL fått tilsendt lovtekstar og anna materiale knytt til lovforslaget, i det omfanget dei har ønska. Det er òg utveksla synspunkt og forslag skriftleg mellom partane undervegs i konsultasjonsprosessen.

Gjennom konsultasjonane er det oppnådd semje mellom Landbruks- og matdepartementet, Sametinget og NRL om endringar i reindriftslova når det gjeld bruken av omgrepa «avgjerd», «fastsetjing» og «skjønn». Omgrepet skjønn skal berre brukast ved fastsetjing av pengebeløp, jf. reindriftslova § 70. I andre høve skal lova nytte omgrepet «avgjerd» eller «fastsetjing» der det i gjeldande lov står «skjønn». Departementet viser til proposisjonen kapittel 11.5.2 når det gjeld grunngevinga for dette.

Det er semje om at det innanfor reindrifta skal vere distriktsstyret, siidastyret og leiar av siidaandel, som skal kunne krevje sak etter jordskiftelova. Departementet viser til kapittel 6.5 når det gjeld grunngevinga for dette.

I Meld. St. 9 (2011–2012) Landbruks- og matpolitikken, har regjeringa varsla at den vil fremje forslag om å gi jordskifteretten heimel for å avklare rettshøve internt i reindrifta, ved rettsutgreiing. Forslag om dette er ikkje lagt fram i denne proposisjonen. Grunnen er at spørsmålet ikkje har vore ute på høyring.

Det er semje mellom konsultasjonspartane om at det må vere ei målsetjing at reindrifta får tilgang til jordskifterettane på lik linje med grunneigarar og andre rettshavarar. Arbeidet med dette vil følgjast opp i ein eigen prosess. Det har likevel vore ulike synspunkt på korleis denne prosessen bør vere, og kva den bør omfatte. Sametinget og NRL har fremja ønskje om ein samla prosess, der spørsmål om heimel for rettsutgreiing, og innføring av nye reglar om bruksordning internt i reindrifta, skal vurderast saman med spørsmålet om kva for kunnskap jordskifterettane må ha, før dei kan få nye oppgåver knytt til reindrifta. Sametinget har understreka at det er nødvendig med ei slik samla behandling av oppgåvene til jordskifteretten og kunnskap om samisk kultur, sedvane og rettsforståing. Jordskifterettane må vere organiserte slik at oppgåvene dei har, heng saman med kunnskapen retten har, fordi kunnskapen i jordskifteretten om kultur, rettsforståing og sedvane er av betydning for samanes tillit til domsresultatet og til at retten er uavhengig. Sametinget har i si grunngeving for ein samla prosess sagt at det er viktig å få ei lovgiving som sikrar reindrifta tilgang til jordskifteretten på lik linje med grunneigarar og andre rettshavarar, på den måten staten er forplikta til etter FN konvensjonen om sivile og politiske rettar, artikkane 14, 26 og 27. Ein slik samla prosess treng ikkje vere særskild tidkrevjande. NRL har òg understreka at sikring av kulturkompetanse i jordskifterettane er eit viktig spørsmål.

Departementet har for sin del vore tvilande til å la oppfølginga av forslaget i landbruksmeldinga om å gi jordskifteretten heimel for rettsutgreiing internt i reindrifta, vere ein del av prosessen om kva for tilgang reindrifta bør ha til jordskiftedomstolane. Årsaka til dette er at departementet meiner det hastar med å gjere ei slik lovendring. Der som oppfølginga av forslaget i stortingsmeldinga om rettsutgreiing skal koblast til meir omfattande prosessar, er det grunn til å tru at det vil ta vesentleg lenger tid før rettsutgreiing internt i reindrifta vil vere eit tilgjengeleg verkemiddel ved jordskifterettane. Departementet har difor meint at spørsmåla om rettsutgreiing internt i reindrifta bør følgjast opp for seg, for å få den ønskjelege framdrifta. På bakgrunn av at NRL og Sametinget under konsultasjonane sterkt har teke til orde for at dei ulike spørsmåla må sjåast i ein samanheng, har departementet etter ei samla vurdering likevel valgt å etterkomme dette. Departementet tek sikte på å gå raskt i gang med arbeidet med spørsmåla om heimel for rettsutgreiing, innføring av nye reglar om bruksordning internt i reindrifta, og sikring av jordskifteretten sin kompetanse om

samisk kultur, rettsforståing og sedvane. Arbeidsform og framdrift i arbeidet vil ein søkje å få avklart gjennom konsultasjonar med Sametinget og NRL.

Sametinget har fatta følgjande vedtak i sak SP 14/13 til forslaget om ny jordskiftelov:

«Det vises til Landbruks- og matdepartementet brev av 07.02. 2013 om gjennomførte konsultasjoner mellom Landbruks- og matdepartementet, Sametinget og Norske reindriftingsamers landsforbund om ny jordskiftelov. Det vises vidare til saksdokument med omtale av de områder som har vært gjenstand for konsultasjoner.

Sametinget vil framheve at det har vært en ryddig og god konsultasjonsprosess etter høringen av arbeidsgrupperapport med forslag til ny jordskiftelov. Sametinget er likevel kritisk til at Landbruks- og matdepartementet ikke så til at arbeidsgruppen, som fikk i oppgave å foreslå ny jordskiftelov, også skulle fremme forslag om å utvide jordskifterettens ansvarsområde til å gjelde de interne forholdene i reindriften. Dette særlig på bakgrunn av at en slik utvidelse av ansvarsområde til jordskiftedomstolen ble uttrykt allerede i St.meld. nr. 28 (1991–92) En bærekraftig reindrift.

Sametinget konstaterer at det foretas en opprydding i bruken av skjønnsbegrepet i reindriftingsloven og jordskifteloven og klargjøring av kravkompetansen overfor jordskifteretten i jordskifteloven.

Sametinget vil framheve betydningen av at det i lovproposisjonen framkommer at det raskt skal iverksettes en egen prosess for å sikre reindriftings tilgang til jordskiftedomstolen på lik linje med grunneiere og andre rettighetshavere. Videre vil Sametinget understreke at det i lovproposisjonen framkommer at det i prosessen skal foretas en samlet vurdering av lovbestemmelser for fastsetting av bruksordninger og rettighetsforhold internt i reindriften, samt tiltak som sikrer at jordskiftedomstolen innehar nødvendig kompetanse om samisk kultur, rettsforståelse og sedvaner. Sametinget konstaterer at en slik oppfølgende prosess er i samsvar med hva som framkommer i Meld St. 9 (2011–2012) Landbruks- og matpolitikken hvor det heter at regjeringen vil fremme forslag om å gi jordskifteretten kompetanse til å avklare rettighetsmessige forhold internt i reindriften.

Sametinget forventer at grunnloven, menneskerettsloven og FNs konvensjons om sivile

og politiske rettigheter (SP) innen kort tid blir ivaretatt i jordskifteloven og reindrifstloven. Reindriften må raskt gis tilgang til jordskiftedomstolen på lik linje med grunneiere og andre rettighetshavere etter SP artikkel 14 og 26. Jordskiftedomstolen må være organisert, ha kompetanse, innsikt og holdninger som muliggjør en reell likebehandling av samiske rettighetshavere med andre etter Grunnloven § 110a og SP artikkel 27. Sametinget forutsetter at arbeidet for dette settes i gang straks og i henhold til statens konsultasjonsplikt etter

ILO-Konvensjonen nr. 169 artikkel 6 og Prose-dyrer for konsultasjoner mellom statlige myndigheter og Sametinget.

Sametinget forutsetter at det ikke foretas substansielle endringer av lovproposisjonen for de områder hvor det har vært ført konsultasjoner.

Sametinget gir på denne bakgrunn sitt samtykke til lovforslaget som det har vært konsultert om og som framkommer i dokument oversendt fra Landbruks- og matdepartementet den 07.02. 2013.»



## 3 Jordskiftelovgivinga i Noreg (tidlegare og gjeldande rett)

### 3.1 Innleiing

Framstillinga av gjeldande rett i kapitlet her byggjer i det alt vesentlege på framstillinga i høyringsnotatet. Departementet viser elles til at det er laga ein lovkommentar til gjeldande jordskiftelov: Jordskifteloven med kommentarar, av Torgeir Austenå og Sverre Øvstedal, 3. utgåve utgitt i 2000, på Universitetsforlaget. Når det gjeld samanliknbar utanlandsk rett, viser departementet til kapittel 4 i proposisjonen og til kapittel 8 i NOU 2002: 9 Jordskifterettens stilling og funksjoner, der det gjerast greie for tysk, fransk og svensk rett. I tillegg viser departementet til vedlegg 4 i høyringsnotatet som òg informerar om hovudtrekka i svensk rett, og om eit studiebesøk arbeidsgruppa gjorde til Nacka Tingsrett, som behandlar eit stort tal jordskiftesaker i Stockholmsområdet.

### 3.2 Tidlegare jordskiftelovgiving

Den første særskilde utskiftingslova er datert 17. august 1821 (Lov angående Jords og Skovs Udsifting af Fællesskab). Lova gjaldt utskifting av sameige og endring av teigblanding. Dette skulle i utgangspunktet løysast ved semje, men blei partane ikkje samde, kunne utskifting haldast av retten. Retten var sett saman av sorenskrivaren og fire skjønns- og takstmenn nemnt opp av fogden. Utskifting etter 1821-lova fekk ikkje det omfanget som ein ønska. Lova blei avløyst av utskiftingslova av 12. oktober 1857, som mellom anna fastsette at utskiftinga skulle utførast av ein utskiftingsformann og to menn nemnt opp av futen.

1857-lova blei avløyst av lov av 13. mars 1882, som la utskiftinga til ein særdomstol; utskifteretten, med utskiftingsformannen som fagdommar. 1882-lova gjaldt fram til lov om jordskifte blei vedtatt 22. desember 1950. Ved 1950-lova kom uttrykket «jordskifte» inn i lovverket, og det blei eit samleomgrep for dei avgjerdene som jordskifterettane tar i endringssakene. 1950-lova blei avløyst av gjeldande lov av 21. desember 1979 nr 77 om jordskifte o.a. (jordskifteloven).

### 3.3 Någjeldande jordskiftelovgiving

#### 3.3.1 Formålet med jordskiftelovgivinga

Formålet med gjeldande jordskiftelov er å skape meir tenlege eigedommar for eigarane og brukarane gjennom byte av areal, løysing av tvistar og opprydding i uklare og utenlege eigar- og brukartilhøve. Ein oppnår på denne måten både ein privat og samfunnsmessig gevinst, fordi høvelege grenser og klare og ryddige eigar- og brukartilhøve legg betre til rette for rasjonell drift, auka lønsemd og verdiskaping knytt til grunnareala. Konfliktpotensialet knytt til fast eigedom, blir òg redusert.

#### 3.3.2 Kva jordskifte er

Jordskifte er ein rettsleg prosess knytt til grunneigedommar. Prosessen endar med ei rettsleg avgjerd gjort av jordskifteretten, som er ein domstol.

Bakgrunnen for å halde ei jordskiftesak er at eigedommane er utenlege, eller vil bli det som følge av eit tiltak, og at dei verkemidla som kan brukast i eit jordskifte, er eigna til å løyse problema.

I prosessen brukar ein dei rettsendrande verkemidla ein tradisjonelt omtalar som jordskifte. Som rettsendrande verkemiddel reknast ombyting av grunn mellom grunneigarar, oppløysing av sameige, avløysing av bruksrettar, føresegner om bruken av areal og rettar (bruksordning) med meir, sjå gjeldande jordskiftelov § 2.

Jordskifterettane behandlar òg andre saker. Ei hovudgruppe er dei rettsfastsetjande sakstypane grensegang og rettsutgreiing, der retten fastslår kva som er rettstilstanden. Slike saker fell utanfor det tradisjonelle jordskifteomgrepet, men behandlast likevel av jordskifterettane. Jordskifteretten behandlar dessutan skjønnsaker, for eksempel om fastsetjing av erstatning ved ekspropriasjon eller vern der skjønnet anten er ein del av jordskiftesaka, eller skal haldast som eige sak. Jordskifteretten behandlar i tillegg spørsmål om avløysing og omskiping av servituttar etter lov 29. november 1968 um særlege råderettar over framand eigedom (servituttløva).

Jordskiftesakene kan behandlast anten som offentleg jordskifte etter krav frå partane, eller som minneleg jordskifte der jordskifteretten godkjenner ein avtale mellom grunneigarane om korleis for eksempel byte av jord eller bruksordninga skal vere.

Gjeldande jordskiftelov gjeld alle eigedommar «dersom ikkje anna følgjer av lova her eller andre lover» (§ 1 a). Lova gjeld med andre ord over alt, òg i byar og tettstader, med mindre det er gjort unntak i form av lov. Jordskifte i statsallmenning og bygdeallmenning er avgrensa i lov 19. juni 1992 nr 60 om skogsdrift m.v. i statsallmenningene § 4-2 og i lov 19. juni 1992 nr 59 om bygdeallmenninger § 1-4. Etter desse føresegnene kan makeskifte, sams tiltak, grensegang og beiteordning gjennomførast, men ikkje andre former for jordskifte.

### 3.3.3 Jordskiftedomstolane

*Jordskifteretten er ein særdomstol*

Jordskifteretten er ein særdomstol, med oppgåver som delvis skil seg frå oppgåvene i dei vanlege domstolane, sjå domstollova § 2 nr. 1. Som ein følge av dette er det nokre karakteristiske forskjellar mellom jordskifterett og vanlege domstolar.

Formålet med den eigentlege jordskifteverksenda er å auke den privatøkonomiske avkastninga av eigedommane gjennom endring av eigedomsutforminga og rettstilhøva til dei eigedommane som er med på jordskiftet. Formålet med dei vanlege domstolane er å avgjere kva som er rett i ein tvist.

Som særdomstol må jordskifteretten ha positiv heimel for å kunne behandle ei sak. Dei vanlege domstolane er ikkje underlagt eit slikt krav.

I ein tvist ved dei vanlege domstolane vil det ofte vere ein part som vinn, og ein som tapar. I eit jordskifte har alle partar garanti mot å bli påført tap.

I ei sak for dei vanlege domstolane er det ofte ei todeling av partane. I eit jordskifte er det nesten alltid mange partar (eigedommar) som alle skal takast vare på for å unngå økonomisk tap. Dette pregar saksbehandling og sluttdokument i saka.

Fordi eit jordskifte fører til ny utforming av eigedommar, oppstår det eit behov for markering av dei nye eigedommane både i marka og på kart. Jordskifteretten har det nødvendige apparatet til å setje ut dei nye eigedomsgransene i marka, og til å teikne dei inn på kart, og til å rapportere dei til kartmyndigheitene.

For at jordskifteretten skal kunne utforme eigedommane på ein ny og betre måte, er det nød-

vendig med ein planfase i arbeidet. Prosessreglane for jordskifte legg derfor til rette for at det må heldast fleire rettsmøte for å løyse denne oppgåva.

For å kunne utforme eigedommane på ein ny og betre måte, må jordskifteretten vite kva kvar enkelt eigedom har av areal og rettar. Dette må fastsetjast på ein forsvarleg måte, for eksempel ved dom når det er tvist, eller ved rettsfastsetjande vedtak. Dom eller vedtak kan altså vere ein «melomstasjon» på vegen mot ny utforming av eigedommane.

For å kunne gjere ei forsvarleg vurdering av avkastninga av kvar enkelt eigedom før og etter jordskiftet, er det nødvendig å fastslå verdien av eigedommane før og etter jordskiftet. Derfor har gjeldande jordskiftelov føresegner om verdsetjing av alle areal som skifter eigar.

Rettsboka til jordskifteretten skal innehalde alt som skal til for at den nye eigedomssituasjonen, inkludert ny veg, drenering og så vidare, kan gjennomførast; om nødvendig ved tvang. Dette inneber at rettsboka ofte inneheld ei rekkje praktiske føresegner som ein ikkje finn i ein dom frå ein vanleg domstol.

I gjennomsnitt blir det kunngjort ein dom, eller det blir inngått eit rettsforlik, for kvar sak som blir avslutta. I tillegg kjem det ofte rettsfastsetjande vedtak.

I tillegg til dei materielle forskjellane mellom jordskifterettane og dei ordinære domstolane, er det eit par vesentlege skilnader av prosessuell art.

For det første finn ein ikkje omgrepet «vedtak» i tvistelova. Omgrepet vedtak slik det er brukt i gjeldande jordskiftelov, er knytt til fleire ulike avgjerder, mellom anna vedtak om fremjing, og det kom inn i lova ved ei lovendring i 1998.

For det andre er det vanleg med fleire rettsmøte i saker for jordskifterett enn i saker for dei allminnelege domstolane. Når eit jordskifte gjeld fleire enn to eigedommar, om fleire av verkemidla i gjeldande jordskiftelov bør brukast, og jordskifteretten skal sjå til at ingen part lir tap, krev det både dialog og tid å finne fram til eit godt resultat i det endringsarbeidet som jordskifte er. Dialogen går føre seg i rettsmøte. Dette er ei av årsakene til at det er vanleg med fleire rettsmøte i jordskifte.

#### *Samansetjinga av jordskifterettane*

I den enkelte saka er jordskifteretten sett saman av ein jordskiftedommar som leiar, og to oppnemnde meddommarar, sjå gjeldande jordskiftelova § 9. Jordskifteoverretten er sett saman av ein jordskifteoverdommar som leiar, og fire oppnemnde meddommarar. Jordskifteretten kan like-

vel setjast utan meddommarar når ein part ber om det og jordskiftedommararen finn det forsvarleg. Jordskifteretten kan òg setjast med fire meddommarar når ein part ber om det og retten finn det ønskjeleg ut i frå omfanget eller karakteren i saka. Meddommarane skal vere «særleg kunnige i det som jordskiftet i hovudsaka gjeld».

Gjeldande jordskiftelov kapittel 2 har reglar om jordskiftedomstolane. I § 7 er det reglar om inndeling av landet i rettskretsar og om personalet ved jordskifterettane og jordskifteoverrettane. I § 8 finn ein heimelen for utvalet av jordskifteddommarar.

Samansetjinga av jordskifteretten og jordskifteoverretten i den enkelte sak er regulert i § 9. § 10 gir jordskifteoverdommararen høve til å vere setjedommar i jordskifteretten. § 11 inneheld eit krav til jordskifteddommarane om å gjere sine plikter ærleg og med truskap.

Etter § 7 fjerde ledd kan jordskifterettsleiaren gi jordskifte kandidat allment løyve til å styre jordskiftesaker og enkelte rettsmøte, med unntak av saker i samband med ekspropriasjon som nemnt i § 6. I slike saker etter § 6 kan det givast særskilt løyve når særlege grunnar ligg føre. Allment løyve kan givast for tre år med mogleg forlenging i eitt år.

### 3.3.4 Avgjerdsformer jordskifteretten nyttar seg av

Jordskifteretten tek avgjerd anten som dom, orskurd, vedtak eller rettsforlik. Avgjerdsformene dom, orskurd og rettsforlik følgjer dei alminnelige føresegnene i tvisteloven, sjå gjeldande jordskiftelov § 97 bokstav a. Avgjerdsforma vedtak er spesiell for jordskifteprosessen. Vedtak brukast ved avgjerd av om jordskiftesak skal fremjast, sjå § 14, og når retten tek avgjerd som gjeld grenser, rettar eller plikter for ein eller fleire partar og det ikkje avseiast dom, sjå § 17 a.

### 3.3.5 Nærare om jordskifte, grensegang, rettsutgreiing og skjønn

#### *Rettsendrande saker (jordskifte)*

I gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd, bokstava a til i, finn ein dei ulike rettsendrande sakstypene, det vil seie dei verkemidla jordskifteretten kan bruke for å løyse dei problema som partane har med eigedommane sine. Føresegnene i § 2 er supplert av andre føresegner i lova, mellom anna kapittel 6 om «skifteplanen og tilhøyrande reglar». Ei jordskiftesak kan omfatte eit eller fleire tiltak, sjå § 2 andre ledd. Saka går ut på å bruke

verkemidla lova har for å løyse dei vanskane som ligg i den konkrete saka, sjå § 26 første punktum.

#### *Løyse opp realsameige*

Jordskifteretten kan løyse opp realsameige i grunn og rettar (sameige mellom bruk), og fordele areala slik at kvar sameigar blir eineigar av areal som tilsvavar vedkommande eigedom sin del i sameiget, sjå § 2 første ledd bokstav a. For sameige i fjellstrok som i hovudsak ligg over barskogsgrensa, er det likevel fastsett i § 26 andre ledd at sameiget berre kan delast dersom «jordskifteretten samrøystes finn at deling er meir tenleg enn bruksordning».

#### *Omforming av eigedom*

Eigedommar som består av fleire delar, kan omformast slik at talet teigar blir redusert. Teigar med uheldig form, kan omformast. Heimelen er § 2 første ledd bokstav b. Ombyting av rettar inngår òg i eit slikt jordskifte.

#### *Bruksordning*

I område med felles bruk og utnytting til beite, jakt og så vidare, eller der tilhøva er slik at felles utnytting av rettane vil vere mest tenleg, kan jordskifteretten gi føresegner om korleis rettshavarane skal utøve rettane sine, sjå § 2 første ledd bokstav c. Dette er kalla bruksordning. Etter § 2 første ledd bokstav c nr. 1 kan jordskifte gå ut på å gi reglar om bruken i område der det er sambruk mellom eigedommar. Sambruk er der meir enn ein eigedom har utnyttingsrett til eit areal. Det kan òg givast reglar der det ikkje er sambruk mellom eigedommar når jordskifteretten finn at det ligg føre særlege grunnar, sjå § 2 første ledd bokstav c nr. 2.

Bruken kan òg ordnast i område der det går føre seg reindrift etter reindriftslova, sjå § 2 første ledd bokstav c nr. 3, men jordskifteretten er ikkje gitt kompetanse til å regulere tilhøvet mellom reindriftsutøvarane, berre tilhøvet mellom reindriftsutøvar og andre brukarar. Bruksordning kan òg gjelde bruken i personlege sameige i skogeigedom og i fjellstrok «som for storparten ligg over barskogsgrensa», sjå § 2 første ledd bokstav c nr. 4.

Jordskifteretten står fritt med omsyn til omfanget av bruksordninga og korleis ho skal gjennomførast. Ordninga må vere tenleg, sjå § 34 som seier at «Jordskifteretten kan ordne bruk og sambruk innan skiftefeltet slik han finn mest tenleg».

*Avløyning av bruksrettar*

Etter § 2 første ledd, bokstav d, kan jordskifte gå ut på å «avløyse bruksrettar som er nemnde i § 36». I § 36 første ledd står dei «alltidvarande bruksrettane» som gir heimel for eigen avløyningssak etter § 2 første ledd bokstav d. Det er rett til veg, beite, brønn og vassleidning, til hogst, sand og stein, båt- og bryggeplass med vidare.

Det er berre bruksrettar som kan avløyast etter desse føresegnene, ikkje eigedomsrett eller medeigedomsrett. Berre reelle og varige bruksrettar, ikkje bruksrettar som er tidsavgrensa, gir heimel til å setje i gang eiga sak. I sak fremja på anna grunnlag, kan retten avløyse alle typar bruksrettar dersom dette er nødvendig og ingen lir tap.

*Skiping av sams tiltak*

Gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav e gjeld for skiping av sams tiltak. Omgrepet «skipe» femner både om det å få i stand nye tiltak, og det å endre på omfang og utforming av eksisterande tiltak. Eit vanleg eksempel er bygging eller utbetring av felles veg. Jordskifteretten gir normalt nødvendige reglar om bruken (vedlikehaldet og kostnadsdeling med meir) av eit tiltak (som veg, kanal, gjerde, kraftverk) som er komen i stand eller endra etter reglane om sams tiltak.

*Deling av eigedom som ledd i rasjonalisering i landbruket*

Jordskifte kan gå ut på å dele ein eigedom i samband med sal av tilleggsjord, sjå § 2 første ledd bokstav f. Samtykke til frådeling blir gitt av kommunen etter føresegnene i jordlova. Det same gjeld eventuell konsesjon etter konsesjonslova. Vidare gjeld lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 27. juni 2008 nr. 71 § 20-1 første ledd bokstav m.

*Deling av eigedom etter eit bestemt høvetal*

Etter gjeldande jordskiftelova § 2 første ledd bokstav g kan jordskifte gå ut på å dele ein eigedom med tilhøyrande rettar etter eit bestemt verdiforhold (høvetal). Eigedom eigd i personlege sameige, kan delast dersom det givast samtykke til deling.

Eit typisk eksempel er at to eller fleire kjøper ein eigedom, får løyve til å dele han etter eit høvetal og ber jordskifteretten utføre delinga. Dei kan eige eigedommen saman som eit personleg sameige ein kort periode. Alternativt skjer hei-

melsoverføringa til den enkelte etter at delinga er gjennomført.

*Fordeling av arealverdiar og kostnader ved fellestiltak i byggjeområde*

Med verknad frå 01.01.2007 blei det innført to nye sakstypar i § 2 første ledd bokstavane h og i. Bokstav h gjeld fordeling av arealverdiar og fordeling av kostnader ved ulike fellestiltak i område som i endeleg regulerings- eller bebyggelsesplan er utlagt til eksisterande eller nye byggjeområde. Med eksisterande byggjeområde meiner ein eit område som det i hovudsak er bygningar på. Eit nytt byggjeområde er eit område som i hovudsak er utan bygningar. Grunneigarar som får utlagt fri-luftsområde, friområde, bustadvegar med vidare på sin eigedom i reguleringsplanen eller bebyggelsesplanen, kan gjennom eit etterfølgjande jordskifte få del i utbyggingsrettar i planområdet.

*Avbøting av ulemper som følgje av reguleringsplan i byggjeområde*

Gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav i gjeld avbøting av ulemper som følgje av reguleringsplanar i eksisterande og nye byggjeområde. Ved å bruke verkemidla i § 2 kan uheldig eigedomsutforming som følgje av tiltak som ligg til grunn for reguleringsplan eller bebyggelsesplan, avbøtast. Eksempel på uheldig eigedomsutforming kan vere eigedommar som er delt av vegar, eller at tomtegrense og eigedomsgrense ikkje er samanfallande.

*Grunnleggjande vilkår for jordskifte*

Dei grunnleggjande vilkåra for å halde jordskifte går fram av gjeldande jordskiftelov §§ 1 og 3. I § 1 er det fastsett at utnyttinga av dei eigedommane jordskiftet skal omfatte, må vere utenleg eller at utnyttinga vil kome til å bli det. Av § 3 bokstav a følgjer det at jordskifte ikkje kan fremjast dersom kostnadene og ulempene blir større enn nytten for kvar av dei eigedommane som er med i jordskiftet. Begge vilkåra må vere innfridde for at jordskiftesaka skal kunne fremjast. Vilråa gjeld dei tradisjonelle rettsendrande jordskiftesakene, og for jordskiftedelen i saker der jordskifte er kombinert med eit samtidig skjønn. Vilråa gjeld ikkje for dei rettsfastsetjande sakstypene rettsutgreiing og grensegang, men gjeld likevel for dei tilfella der retten finn det tenleg med ei grenseregulering som inneber eit makeskifte.

Vilkåret for jordskiftesak etter § 1 første ledd er at det er vanskeleg å nytte eigedommane på ein tenleg måte slik tilhøva er i dag, og sett i høve til dei driftsmåtane som er aktuelle «etter tid og tilhøve». Etter første ledd skal vurderinga skje ut frå gjeldande tilhøve. Etter § 1 andre ledd skal vurderinga gjerast ut frå situasjonen slik han blir etter at det planlagde tiltaket er gjennomført.

I vurderinga av om ei sak skal fremjast for jordskifte, må retten vege kostnadene og ulempe som jordskiftet vil kunne medføre, opp mot dei fordelane ein kan oppnå. Det er ikkje nok at tilhøva per i dag er utenlege, dei må òg kunne gjerast betre ved bruk av verkemidla i eit jordskifte. Det må med andre ord skapast ein «skiftegevinst».

Kravet til skiftegevinst gjeld jordskiftetfeltet samla. Det er likevel ikkje eit krav at kvar enkelt eigedom som er involvert, skal få ein gevinst gjennom jordskiftet. Vilkåret om å ikkje tape etter § 3 bokstav a, gjeld individuelt, det vil seie i høve til kvar enkelt eigedom innan skiftetfeltet. Ingen eigedom skal kunne tape på at jordskifte blir sett i verk.

For sakstypene i § 2 bokstav h og i gjeld regelen i § 3 b som inneheld eit vilkår om at jordskifte ikkje kan fremjast utan at den enkelte eigedom får sin del av netto skiftegevinst. Eigedommane har dermed eit rettskrav på å få sin del av den netto formuesauken som jordskiftet skaper i jordskiftetfeltet. Eigaren får moglegheit, men ikkje plikt til å ta ut sin del av den netto inntektsauken som jordskiftet legg til rette for.

#### *Tilhøvet mellom verkemidla i gjeldande jordskiftelov § 2*

Bruk av verkemidla i § 2 bokstavane a, b og f fører med seg nye eigedoms- eller bruksrettsgrenser. Avløyning (bokstav d) kan òg føre til endring av eigedoms- eller bruksrettsgrenser. I sak etter bokstavane a og b er det like mange partar før og etter skiftet, medan formålet med ei sak etter bokstav f er å redusere talet einingar. Ei sak etter bokstav f kan bli svært lik ei sak etter bokstav b. Sak etter bokstavane a og b vil ofte gjelde fleire eigedommar. Sak etter bokstav f har sitt utspring i ein eigedom og gjerne to, eventuelt fleire kjøparar.

Etter § 2 bokstav g kan ein eigedom delast. Resultatet blir ei eller fleire nye grenser. § 2 bokstavane c og e gjeld meir enkelttiltak. Etter bokstav c ordnast bruken for ein eller fleire utnyttingsmåtar. Bruksordning opnar ikkje for nye brukarar. Etter bokstav e kan ein skipe nye, eller omskipe eksisterande tiltak. I sak etter bokstav e kan nye brukarar sleppe inn.

I nesten alle saker gir retten reglar om bruken (bruksordning) anten generelt (bokstav a og b), eller knytt til den eller dei aktuelle utnyttingsmåtene (bokstavane c og e).

Bokstav h gjeld fordeling av utbyggingsverdiar og kostnader med fellestiltak. Bokstav i gjeld omforming av utbyggingsareal. Til dei to sakstypene er det egne reglar om fordeling av nytte og krav om semje eller totredels fleirtal for å fremje sak.

#### *Bruk av verkemidla i gjeldande jordskiftelov § 2*

Formålet med jordskifte fram til 1980 var oppløysing av sameige og reduksjon av teigblanding. I gjeldande jordskiftelov er det lagt til grunn at ein ikkje kan finne ein optimal eigedomsstruktur som varar for alltid. Tidene endrar seg, og eigedommane må endrast i samsvar med dette.

Føresegna i § 26 første punktum bestemmer tilhøvet mellom verkemidla i § 2. Føresegna har to ytterpunkt: «Ny eigedomsutforming» og «bruk av enkelttiltak». Jordskifteretten skal velje mellom dei to. «Ny eigedomsutforming» er det tradisjonelle eller typiske jordskiftet. Heimelen er § 2 bokstav b. Eit krav etter bokstavane a, d og f kan òg bli «ny eigedomsutforming». § 2 bokstavane c og e er eksempel på «bruk av enkelttiltak».

Jordskifteretten skal endre eigedoms- og bruksretts høve ved ny eigedomsutforming eller enkelttiltak så langt han meiner det er nødvendig etter kravet. Rekvirenten tek opp eit eller fleire tema eller problem som han vil at jordskifteretten skal behandle. Dei andre partane forklarar seg om sitt syn. Retten må deretter velje mellom ny eigedomsutforming eller bruk av enkelttiltak. Retten har ansvar for lovbruken. Gjeldande jordskiftelov stiller opp to prinsipielle ytterpunkt.

Det er ikkje slik at «ny eigedomsutforming» alltid er store omfattande saker, medan at enkelttiltak er små enkle saker. Det er tilnærminga som er prinsipielt forskjellig. Med heimel i § 2 bokstav b kan to små areal bytast om eller omformast. Nemninga «ny eigedomsutforming» høver best på ei sak med endring av mange teigar som gjerne gjeld fleire enn to eigedommar. Ei bruksordning eller eit sams tiltak kan gjelde ein utnyttingsmåte og to partar, eller fleire utnyttingsmåtar og mange partar for eksempel ordning av fiske, jakt og vegnett i en dal eller langs eit vassdrag.

Rettsboka for det utførte jordskiftet må tydeleg vise resultatet av saka. Ved ny eigedomsutforming må yttergrensa gå fram, og i utgangspunktet må det gjerast greie for alle eigedoms- og bruksretts høve i feltet. I mange tilfelle vil resultatet dels

vere rettsfastsetjande og dels rettsendrande. Både to skal ha rettskraftverknad.

Ved bruk av enkelttiltak er det ikkje nødvendig å beskrive alle eigedoms- og bruksrettshøve i feltet. Resultatet må vise kva som har vore tema. Det må gå fram kva som er behandla, og kva som skal ha rettskraft. Det som ikkje er behandla, er urørt, det vil seie som før skiftet.

#### *Avgrensing av skifteområdet og avklaring av eigedomstilhøva innanfor skiftefeltet*

Ved eit jordskifte må skiftefeltet og kva som skal gjerast innanfor dette området, avgrensast. Gjeldande jordskiftelov kapittel 4, §§ 25 og 26, har føresegner om dette. Av § 25 første ledd går det fram at «Skiftefeltet skal til vanleg avgrensast i samsvar med jordskiftekravet». Jordskifteretten må òg klarleggje eigedomstilhøva i skiftefeltet, sjå § 16 andre ledd.

#### *Skiftegrunnlaget*

Skiftegrunnlaget er nøkkelen for å dele sameige og byte grunn. Etter § 3 bokstav a har alle partar krav på å få att minst tilsvarande det dei eigde før jordskiftet. Dette blir omtala nærare i reglane om skiftegrunnlaget, sjå §§ 27 og 28. Det skal avgjerast kva kvar eig, sjå § 16 andre ledd, og kor mykje det er verd, sjå § 19 andre ledd. Det skal òg setjast opp eit rekneskap som viser grunnverdien for kvar part, og for jordskifteområdet samla. Dette er skiftegrunnlaget for kvar enkelt part.

Sameiger blir skifta etter «partshøvet i sameiga», sjå § 27. For eigedommar eigd i eieeige, skal skiftet føre til at kvar eigedom får tilbake tilsvarande verdi som eigdommen gir frå seg ved omforminga, sjå § 28 første ledd. I skog kan standskogen takast med eller det kan skiftast på grunnlag av samla bruksverdi.

#### *Reglane om skifteplanen*

Det er gitt føresegner om skifteplanen i gjeldande jordskiftelov kapittel 6 «Skifteplan og tilhøyrande reglar». I §§ 29 til 32 er det alminnelege føresegner om skifteplanen. § 29 første ledd set som mål for jordskiftet at «Utforming av eigedom og omforming av bruksrett skal vere tenleg etter tida og tilhøva». Det er eigdommen, det vil si driftseininga, som dette skal sjåast i høve til, ikkje det enkelte bruksnummeret driftseininga består av. Driftseininga kan òg omfatte leigejord, sjå § 29 andre ledd.

I § 29 a er det føresegner for saker etter § 2 første ledd bokstav h. Nettoverdiuken skal så

langt det er mogleg, leggjast ut som heile utbyggingsrettar på, eller inntil eigen eigedom. Ein føresetnad for utbyggingsrett på eigen eigedom er likevel at vedkommande reguleringsplan eller utbyggingsplan tillet slik arealutnytting på eigdommen. Er dette ikkje tilfelle, skal jordskifteretten så langt det er mogleg, leggje utbyggingsretten inntil eigen eigedom.

Elles har §§ 33 til 35 føresegner om bruksordning, sams tiltak og driftsselskap, §§ 36 til 40 har føresegner om avløyning av bruksrettar, §§ 41 til 44 om investeringar, §§ 45 til 50 om utflytting, og §§ 51 til 60 har føresegner om oppgjer, grenser, fristar med meir.

#### *Tilhøvet til forvaltingsvedtak*

Forvaltingsvedtak som er ein føresetnad for skifteplanen (godkjenningar, konsesjonar med meir) må liggje føre, før skifteplanen kan fastsetjast av retten, sjå § 20 a.

#### *Eigedomsgrepet i gjeldande jordskiftelov*

Gjeldande jordskiftelov bruker omgrepet «eigedom» utan å definere dette nærare. I forarbeida til lova (NOU 1976: 50) heiter det mellom anna: «For den eining som jordskifte primært gjeld, har ein nytta ordet eigedom». Med eigedom i jordskiftelova er meint den driftseininga som brukaren sjølv eig. Eininga kan bestå av eitt bruksnummer eller fleire bruksnummer på same eigarhand.

Det er eigdommen (driftseininga), ikkje eieren, som er det sentrale objektet for jordskiftet. Det er eigdommen som skal gjerast meir rasjonell («tenleg») etter «tid og tilhøve», og ulemper og fordelar skal vurderast i høve til eigdommen. Fordelane og ulempene kan vere endra inntekter eller utgifter, eller endra verdi på eigdommen. Det er i hovudsak desse elementa som definerer nytten, og dei kan variere med eigedomstypen og med bruken av eigdommen.

#### *Tilhøvet til naboeigedommar*

Jordskifteområdet vil oftast grense til ein eller fleire naboeigedommar. Da er det nødvendig å få klarlagt desse grensene slik at jordskifteretten kan vere trygg på at nyformingsarbeidet ikkje går inn på naboeigdommen, og at partane som leggjast ut på den aktuelle staden, får det som planen viser. Reglar om dette finn ein i gjeldande jordskiftelov § 16. Når det gjeld fastlegging av grenser mot naboeigedom, har naboen status som part. Dette er i realiteten ein grensegang. Jordskifteret-

ten kallar berre inn grannane til rettsmøta i jordskiftet i dei tilfella der det kjem opp noko i skiftet som kan få verknad for nabo. Kravet om at alle partar i eit jordskifte er sikra mot å li tap, gjeld òg nabo.

I jordskifteområdet kan det vere eigedommar som ikkje får endra grensene ved jordskifte, men reglar for kanalar, vegar, gjerde og anna vil gjerne gjelde desse. I jordskifteområdet kan det liggje tomter eller areal til offentleg veg med klare grenser (målebrev). Dersom ikkje reglar for kanalar, gjerde og anna gjeld desse, får dei same status som ein nabo som ein ikkje merkjer grenser mot.

#### *Rettsfastsetjande saker (saker om grensegang og rettsutgreiing)*

Dei rettsfastsetjande sakene som jordskifteretten behandlar, er saker om grensegang og rettsutgreiing. Det er nærare føresegner om desse sakstypene i gjeldande jordskiftelov kapittel 11. Behandlinga til jordskifteretten når det gjeld rettsfastsetjande saker skil seg på fleire punkt frå behandlinga av tilsvarende saker for dei ordinære domstolane. Grensegang og rettsutgreiing kan krevjast for jordskifteretten utan at det ligg føre ein tvist.

Etter § 88 første og andre ledd kan eigar og bruksrettshavar med varig bruksrett krevje at jordskifteretten «i særskild sak skal klarleggje, merkje av og beskrive eigedomsgrenser og grenser for alltidvarande bruksrett». Det jordskifteretten gjer her, blir kalla grensegang, og det omfattar òg grenser i vassdrag, sjå vassdragslova §§ 2 til 4. Føresegnene i gjeldande jordskiftelov om grensegang gjeld for heile landet og alle typar eigedom, men slik at omgrepet «alltidvarande bruksrett» ikkje omfattar bruksrett i allmenning.

Etter § 88 andre ledd kan òg leiar av reinbeitedistrikt krevje grensegang. Det same gjeld utøvar av reindrift der distriktsstyre ikkje er oppretta. Departementet kan krevje grensegang i dei same tilfella som det kan krevje jordskifte etter § 5 andre ledd, for eksempel når det er nødvendig av allmenne omsyn.

Grenser som er ulaglege, kan retten regulere etter § 88 femte ledd. Retten skal prøve å få ulaglege grenser regulert ved minneleg makeskifte. Kjem ein ikkje fram til semje kan jordskifteretten regulere grensene på den måten han meiner er mest tenleg for dei eigedommane det gjeld.

Ei sak om rettsutgreiing gjeld dei rettar og plikter som eksisterer i eit område. Saka går altså ut på fastslå kva som er rettstilstanden mellom partane, ikkje trekkje nye grenser eller skipe nye

rettar eller plikter. Kravet i § 1 om at eigdommen må vere vanskeleg å nytte på tenleg måte, og garantien mot tap i § 3 a, gjeld derfor ikkje i sakene om rettsutgreiing. Det gjer heller ikkje reglane i §§ 25 og 26 om at jordskifteretten kan utvide jordskiftesaka geografisk, eller gjere bruk av ulike verkemiddel i lova utan at det er fremja eige krav om det.

To vilkår må vere oppfylde for å kunne reise ei sak om rettsutgreiing etter § 88 a. For det første må det liggje føre eit sameige eller ein pretensjon om rett til bruk basert på rettslege argument (for eksempel i form av servituttar) mellom eigedommar i det aktuelle området. For det andre må det vere nødvendig å klarleggje og fastsetje eigedoms- og bruksrettstilhøva av omsyn til ein rasjonell bruk av området.

#### *Skjønn*

Jordskifteretten kan i dag – innafor sin saklege skjønnskompetanse – etter omstenda halde skjønn som ein del av ei jordskiftesak, som sjølvstendig del i samband med jordskiftesaka og som eiga sak utan samband med ei jordskiftesak. Kompetansen jordskifteretten har til å halde skjønn er dels heimla i jordskiftelova og dels i ulike særlover.

Jordskifteretten har òg kompetanse til å halde skjønn vedrørande fast eigedom når det er avtalt mellom partane.

Jordskifteretten kan etter gjeldande jordskiftelov § 6 a første punktum i særskild sak eller som del av jordskifte halde alle skjønn etter lov 15. juni 2007 nr 40 om reindrift (reindriftsloven).

Kompetansen jordskifteretten har til å halde skjønn er i nokre tilfelle stadleg avgrensa, sjå gjeldande jordskiftelov § 6 femte ledd første punktum, som avgrensar kompetansen til å gjelde for areal som er lagt ut til landbruks-, natur- og friluftsområde i medhald av plan- og bygningslova. Kompetansen jordskifteretten har til å halde skjønn etter veglova §§ 53 og 54 er òg stadleg avgrensa, sjå veglova § 60 andre ledd.

I nokre tilfelle har både tingrett og jordskifterett kompetanse til å halde skjønnet. Det er tilfelle for avtaleskjønn og dei skjønna som går etter reindriftslova § 70.

Jordskifteretten kan halde skjønn etter veglova i samband med jordskifte. Det går fram av gjeldande jordskiftelov § 43 andre ledd. Jordskifteretten kan ikkje halde skjønn etter § 43 andre ledd som eiga sak. Jordskifteretten kan med heimel i § 43 tredje ledd òg, om det er nødvendig, halde

skjønn etter lov 14. juni 1912 om anlæg av taugbaner og løpestrenger m.v. § 8.

Er det nødvendig av omsyn til jordskiftet, skal jordskifteretten etter § 44 første ledd sørge for utstikking av, og gi reglar om opparbeiding og vedlikehald av ulike slag opne og lukka grøfter og kanalar. Jordskifteretten skal òg etter andre ledd gi nødvendige reglar om bruken av vatn og vassdrag, og om vassleidingar og kloakkleidingar. Dersom slike tiltak og tørrleggingstiltak etter § 2 bokstav e kan få verknad for eigedommar utanfor skiftefeltet, kan jordskifteretten halde skjønn etter lov 15. mars 1940 nr. 3 om vassdragene.

Veglova § 60 opnar for at jordskifteretten kan halde skjønn i samband med sak etter gjeldande jordskiftelov § 6 første til fjerde ledd første punktum eller som eiga sak. Den kompetansen jordskifteretten har, er stadleg avgrensa og det er eit vilkår at skjønn er kravd for jordskifteretten av rekvirenten.

Etter veglova § 53 første ledd kan det gjerast vedtak om eigedomsinngrep til mellom anna bygging, utbetring, vedlikehald og drift av privat veg i skjønn mot vederlag til den det rårar. Vilkåret er at det reknast som klart at inngrepet vil vere meir til gagn enn skade. På same måte kan skjønnet òg gi rett til å bruke ein veg som alt ligg der. Kvar av partane i slik sak kan krevje avgjort om vegretten alt er til, at han blir nærare fastlagt, eller få bruken flytt. Blir brukarane av privat veg ikkje samde om korleis plikta til vedlikehald eller utbetring skal fordelast, kan kvar av dei etter veglova § 54 tredje ledd krevje at desse spørsmåla skal avgjerast ved skjønn.

Jordskifteretten held etter grannegjerdelova § 16 andre ledd gjerdeskjønn i område som er lagt ut som landbruks- natur- og friluftsområde i medhald av plan- og bygningslova § 11-7 nr. 5 eller er regulert til slik bruk eller vern og i uregulert område, dersom rekvirenten set fram krav om skjønn for jordskifteretten i samband med sak etter gjeldande jordskiftelov § 6 første til fjerde ledd første punktum, eller som eiga sak.

Etter servitutlova § 18 høyrer avgjerd etter servitutlova §§ 5 til 7 om omskiping og avskiping, og avgjerd etter servitutlova § 13 om utvising, under skjønn. Jordskifteretten held dette skjønnet i område som er lagt ut som landbruks- natur- og friluftsområde i medhald av plan- og bygningslova § 11-7 nr. 5 eller er regulert til slik bruk eller vern i uregulert område, dersom rekvirenten set fram krav om skjønn for jordskifteretten i samband med sak etter jordskiftelova § 6 første til fjerde ledd første punktum eller som eiga sak, sjå servitutlova § 19 andre ledd.

### 3.3.6 Reglar om saksbehandling (prosessreglar)

Dei sentrale prinsippa i sivilprosessen gjeld for jordskiftesakene. Gjeldande jordskiftelov § 97 gir ei rekkje av føresegnene i tvistelov verknad for saker om jordskifte, rettsutgreiing og grensegang «på tilsvarande måte så langt dei høver».

Reglar om saksbehandlinga i jordskiftesaker er gitt i kapittel 3 «Framgangsmåten ved offentleg jordskifte». Det er òg gitt reglar om saksbehandling i kapittel 1 §§ 6 a og 6 b for skjønnsaker, kapittel 7 om rettsmiddel og i kapittel 8 om jordskiftekostnadene. Lova blir supplert av domstollova og tvistelova. I framstillinga nedanfor følgjer ei kortfatta oversikt over hovudtrekka i føresegnene om saksbehandlinga. Enkelte av dei føresegnene som blir omtalt, mellom anna reglane om skifteplan, gjeld berre jordskiftesaker, ikkje saker om grensegang eller rettsutgreiing.

Etter § 12 første punktum skal krav om jordskifte setjast fram for jordskifteretten i det jordskiftesokn der eigedommen ligg, sjå den tilsvarande føresegna i tvistelova § 4-5 (1). Føresegna stiller ikkje spesielle formkrav til jordskiftekravet, men det er i praksis lagt til grunn at kravet skal vere skriftleg. Eventuelle munnlege krav skal jordskiftedommaren hjelpe rekvirenten med å få formulert skriftleg. Det er òg utarbeidd eit skjema som kan brukast for å krevje sak. Det er nok at krav blir reist av ein av partane. Unntak frå dette gjeld likevel i saker etter § 2 bokstavane h og i, der det er krav om semje mellom grunneigarane for å reise sak, eventuelt 2/3 fleirtal.

Etter § 12 andre punktum skal jordskiftekravet så langt det er mogleg, nemne dei eigedommane kravet gjeld, kven som er eigar, bruksrettshavar, grannar og eventuelt andre som jordskiftet vedkjem. Vidare skal det nemne kva for vanskar ein ønskjer å få løyst, og om det trengst meddommarar med særleg kunnskap.

Når krav om jordskifte kjem inn til retten, skal jordskiftedommaren prøve om prosessføresetnadene er til stades. Sentrale absolutte prosessføresetnader (som retten må ta stilling til av eige tiltak) er mellom anna om saka er reist for riktig jordskifterett, om kravet sakleg sett høyrer under jordskifteretten, om partane er prosessdyktige, om saka ikkje allereie er til behandling i ein annan domstol eller kravet ikkje allereie er rettskraftig avgjort og så vidare. Er kravet mangelfullt, skal partane få beskjed om det, og få høve til å rette feilen dersom den kan rettast. Blir ikkje manglane retta skal saka avvisast, sjå § 12 andre ledd.



I §§ 13, 14 og 15 er det føresegner om innkalling til det første rettsmøtet og forkynning av innkallinga av alle eigarar, bruksrettshavarar og andre som saka gjeld, sjå § 13 første ledd. I det første rettsmøtet tek retten stilling til om saka skal fremjast, sjå § 14 første ledd. Så snart retten gir partane høve til det, skal dei setje fram og grunngi krava, føre bevis, og gi dei opplysningane som krevjast, sjå § 15. Retten kan setje frist for partane til å leggje fram krava.

Jordskifteretten skal klarleggje grensene for skiftefeltet, sjå § 16 første ledd. Om grenser mot naboeigedom er ulaglege, skal retten forsøke å få regulert dei gjennom minneleg makeskifte. Bli det ikkje semje, har jordskifteretten kompetanse til å regulere grensene på den måten retten finn mest tenleg. Retten må òg klarleggje grensene mellom eigedommane innanfor skiftefeltet, og dessutan få klarlagt «så nøye som råd er, eigedomstilhøva og alle rettar og tyngsler som kviler på feltet», sjå jordskiftelova § 16 andre ledd. Resultatet av denne kartlegginga dannar grunnlaget for det seinare skiftet. Dersom det i denne utgreiingsfasen viser seg å vere tvist om grenser eller rettsspørsmål, må jordskifteretten avgjere tvisten ved dom etter § 17. Er grensene uklare, utan at det ligg føre tvist, kan retten avklare grensene ved vedtak etter § 17 a.

Etter § 18 har partar og vitne plikt til å møte, og til å forklare seg etter dei same føresegnene som gjeld for hovudforhandling i tingretten, sjå tvistelova kapittel 23 og 24. Jordskifteretten har ikkje kompetanse til å fastsetje straff eller tvangsmiddel mot partar eller vitne. Bruk av slike middel ligg til dei ordinære domstolane.

Skiftefeltet skal kartleggjast, sjå § 19. Jordskifteretten skal utarbeide nye kart dersom ein ikkje kan bruke eksisterande kart. Det kan likevel skiftast utan kart dersom retten samrøystes finn kart unødvendig. Jordskifteretten skal verdsetje det som skal bytast av areal, rettar, standskog med vidare, sjå § 19 andre ledd. Verdsetjinga skjer på grunnlag av arealbruken på skiftetidspunktet, men da slik at retten skal ta omsyn til påreknelege endringar i bruken.

Når alt det førebuande arbeidet er gjort, skal jordskifteretten lage eit utkast til skifteplan som skal leggjast fram for partane for drøfting i rettsmøte, sjå § 20. Partane får ein frist til å uttale seg til utkastet, og dei skal òg få høve til å uttale seg til dei merknadene som kjem inn, sjå § 17 a andre ledd tredje til sjetten punktum som er gitt tilsvarende verknad. Skifteplanen skal grunngivast. Det skal gjerast greie for det rettslege grunnlaget, dei faktiske omstenda og «andre tilhøve som har hatt

mest å seie for skifteplan, skjønn og takstar», sjå § 20 andre ledd.

Dersom ein skifteplan skal byggje på offentlege vedtak, det vil seie forvaltingsvedtak om løyve og liknande som er av betydning for planen, skal slike vedtak vere gjort før jordskifteretten tek avgjerder i saka. Dette går fram av § 20 a.

Partane skal varslast om alle avgjerder i saka i samsvar med reglane i tvistelova kapittel 19. Når saka er ferdig, skal jordskiftet avsluttast i eit rettsmøte. Hovudregelen er at partane skal vere til stades, men det kan skje unntak frå dette, sjå § 22. Partane skal uansett så snart som mogleg få forkynt utskrift av rettsboka.

Så lenge jordskiftesaka varer, kan retten gi slike reglar om bruken av feltet som retten finn tenleg av omsyn til jordskiftet, sjå § 23. Slike reglar kan for eksempel vere forbod mot, eller innskrenkingar i høve til hogst, til nydyrking, eller ulike andre tiltak som kan endre grunnlaget for skiftet og dermed sjansen til å oppnå gode skifteplanløyvingar. Reglane kan regulere bruken av skiftefeltet, ikkje eventuelle rettslege disposisjonar som partane måtte ønskje å gjere. Eksempel på dette er sal av eigedommar eller parsellar og frådelling av tomter. Brot på reglar om bruken kan straffast, sjå § 95.

Tinglysing av rettskraftige avgjerder er regulert i § 24 første og andre ledd. Det går fram at jordskiftedommaren skal tinglyse eit rettkjent utdrag av rettsboka så snart råd er, etter at saka er rettskraftig. § 70. Jordskiftedommaren skal òg gi melding til kommunen i samsvar med lov om eigedomsregistrering.

#### *Saksbehandlinga i skjønnsaker*

Skjønn for jordskifteretten blir i nokre tilfelle behandla etter jordskiftelova sine reglar, supplert med reglar frå lov 1. juni 1917 nr 1 om skjønn- og ekspropriasjonssaker (skjønnsprosesslova). I andre tilfelle følgjer skjønnet reglane i skjønnsprosesslova aleine medan det for nokre skjønn òg er reglar om saksbehandling i særlova.

Gjeldande jordskiftelov § 6 b har prosessreglar for skjønn som jordskifteretten held som eiga sak, skjønn som er ein del av jordskifte, og for skjønn etter andre lover. Skjønn etter reindriftslova har eigne prosessreglar i gjeldande jordskiftelova § 6 a og reindriftslova § 70.

Skjønn som er ein del av jordskiftesaka følgjer reglane om saksbehandling i jordskiftelova så langt dei passar, og i tillegg dei føresegnene i skjønnsprosesslova som er særskild nemnt i § 6 b. Skjønn jordskifteretten held som eiga sak eller

etter andre lover enn jordskiftelova, blir behandla etter reglane i skjønnsprosesslova.

Jordskifteretten skal fullt ut følgje skjønnsprosesslova sine reglar når jordskifteretten held avtaleskjønn som eiga sak. Det same gjeld der jordskifteretten held skjønn etter andre lover som for eksempel grannegjerdelova, veglova eller servitutlova.

Saksbehandlinga for skjønn som er del av jordskiftesak etter § 6 første ledd (ekspropriasjonsskjønn), andre ledd (erstatningsskjønn), tredje ledd (avtaleskjønn) samt fjerde ledd første punktum (avtaleskjønn) er regulert i § 6 b andre ledd.

Jordskifteretten kan òg halde skjønn i samband med jordskiftesak i dei tilfella som er nemnde i § 23 (band på bruken av skiftetfeltet), § 43 (nødvendige vegar og taugbaner/løypestrennar), § 44 (grøfter og kanalar), § 52 første ledd (gjerdehald) og § 80 (rente på utgifter som vil kome på etter kvart). Desse skjønna blir behandla etter reglane i jordskiftelova så langt dei høver, om nødvendig supplert med dei reglane i skjønnsprosesslova som er nemnt i § 6 b andre ledd.

Når det gjeld erstatningsskjønn etter reindriftslova § 70, så kan parten velje om han vil bruke jordskifteretten eller tingretten. Vel parten jordskifteretten, blir skjønnsaka behandla i samsvar med § 6 a. Det inneber at den blir behandla etter reglane i jordskiftelova så langt dei høver. Vel parten tingretten, så må saka behandlast etter skjønnsprosesslova.

Prosessreglane i § 6 a gjeld anten skjønnet går som eiga sak, eller som ein del av jordskiftesak.

Prosessreglane i jordskiftelova gjeld så langt dei høver for skjønn etter reindriftslova. Utgangspunktet er såleis det same som for skjønn som er ein del av jordskiftesaka.

### 3.3.7 Gjeldande rettsmiddelordning

Gjeldande reglar byggjer på at avgjerdene dom, orskurd, vedtak og skjønn kan overprøvast med nærare bestemte avgrensingar. Kompetansen til overprøving er delt mellom lagmannsretten og jordskifteoverretten.

Føresegnene om anke og kjæremål står i kapittel 7. Det kan brukast rettsmiddel mot jordskifte og mot enkelte avgjerder som er tekne i samband med jordskifte. Ved dom etter § 17 og rettsfastsetjande vedtak etter § 17 a, og ved skjønn etter § 6 b, går anke og krav om overskjønn til lagmannsretten. Der det ikkje går fram av lova at ankeinstansen er lagmannsretten, går anke til jordskifteoverretten, sjå § 61 siste ledd. Der anke går til lagmannsrett, følgjer ankebehandlinga føre-

segnene i tvistelova. Ved krav om overskjønn gjeld føresegnene i skjønnsprosesslova. Ved anke til jordskifteoverrett gjeld føresegnene i jordskiftelova, supplert av ein del føresegner i tvistelova, og i nokre saker gjeld nokre føresegner i skjønnsprosesslova.

Jordskifteoverretten er sett saman med ein jordskifteoverdommar og meddommarar henta frå utvalet for jordskiftesaker, sjå jordskiftelova § 8. Meddommarane skal etter § 9 femte ledd vere «serleg kunnige i det som jordskiftet i hovudsaka gjeld».

Anke som berre gjeld påstand om feil i kart, utrekningar eller målearbeid, blir avgjort etter § 72 første ledd av jordskifteoverdommaren som einedommar, ved såkalla gjennomsyn.

Dom, orskurd og vedtak kan påankast. Jordskifte gjennomført med heimel i ein avtale om valdgift kan ikkje ankast. Det kan heller ikkje eit frivillig makeskifte når makeskiftet blir gjennomført ved hjelp av ein jordskiftedommar i samsvar med føresegnene i jordskiftelova, og avtalen erstattar offentleg ekspropriasjon eller regulering av eigarrådeveldet, sjå § 85 første og andre ledd.

Er det anka over ein dom, må slutting eller iverksetjing av jordskiftet etter § 64 utsetjast. Skal anke over anna avgjerd ha oppsetjande verknad, skal det avgjerast etter reglane i tvistelova § 19-13 andre og tredje ledd.

Utgangspunktet er at rettsmiddel ikkje kan nyttast før jordskiftet er slutt. I nokre høve kan rettsmiddel likevel nyttast før jordskifte er avslutta. Dette går fram av § 62.

Ankefristen er etter § 63 ein månad, og fristen blir rekna frå forkynninga av jordskiftet.

#### *Reglar om saksbehandling for ankesakene*

Anke skal setjast fram for den jordskifteretten som har avgjort saka.

Reglane i tvistelova gjeld langt på veg behandlinga i jordskifteoverretten, sjå § 97 første ledd b. Særreglar om behandlinga i jordskifteoverretten går fram av ei rekkje føresegner i kapittel 7.

Etter § 67 bør ankepostane gå fram av ankefråsegna. Om dette ikkje er tilfelle, skal jordskifteoverdommaren få klarlagt kva anken gjeld før anken blir gjort kjend for dei andre partane.

Utgangspunktet er at jordskiftelova ikkje har føresegner om siling i samband med anke.

Det går fram av § 69 at saksbehandlinga ved overjordskifte – med nokre få unntak – følgjer reglane for jordskifte så langt dei høver. Er ankepostane ikkje klarlagde, skal jordskifteoverretten etter § 67 første ledd siste punktum påleggje

«ankeparten å seie greitt frå om kva for postar han ankar på».

Viser det seg at anken må føre til endring i jordskiftet, skal retten etter § 67 gi partane melding om det. Vil endringa valde tap for nokon part, kan han krevje ein frist på opp til ei veke for å setje fram krav om å få granskninga utvida så langt det trengst for å avgjere om ikkje jordskiftet på andre punkt bør endrast til fordel for han. Dersom dette er tilfelle, skal jordskifteoverretten granske jordskiftet så langt retten finn det nødvendig. Endring i jordskiftet som dette fører til, kan gjennomførast sjølv om endringa fører til ei dårlegare løysing for ankeparten enn stoda etter jordskiftet.

Gjeld anken feil med omsyn til kart, utreknigar eller målearbeid og feilen har innverknad på jordskiftet, skal jordskifteoverdommaren etter § 72 andre ledd gi jordskifteretten pålegg om å rette feilen og gjere om skiftet i den grad rettinga gjer det nødvendig. Gjeld anken meir enn feil i kart med vidare, skal jordskifteoverretten sjølv rette opp feila. Kjem jordskifteoverretten over slike feil, og dei ikkje er anka, skal retten rette dei dersom dei har noko vidare å seie.

Finn jordskifteoverretten at jordskifteretten ikkje har avgjort tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett eller anna ved dom eller på annan måte, skal jordskifteoverretten etter § 70 første ledd avgjere tvisten dersom det trengst ut frå omsynet til jordskiftet.

§ 70 andre ledd har særlege føresegner om prøving av vedtaket om fremjing. Om jordskifteretten har avvist eit krav om jordskifte av materielle grunnar, og jordskifteoverretten finn at saka skulle vore fremja, skal jordskifteoverretten ved orskurd oppheve avvisinga. Jordskifteoverretten kan som eit alternativ, vise saka tilbake til jordskifteretten med pålegg om å fremje saka. Har jordskifteretten på den andre sida fremja ei sak, og jordskifteoverretten finn at saka ikkje bør fremjast, eller at saka bør fremjast på ein annan måte, kan jordskifteoverretten ved orskurd anten avvise kravet om jordskifte, eller endre vedtaket om fremjing.

Det er fastsett i § 70 tredje ledd at om det er gjort feil ved saksbehandlinga eller ved rettsbruken så kan jordskifteretten ved orskurd oppheve jordskiftet eller deler av det, og vise saka tilbake til jordskifteretten til ny behandling, i staden for sjølv å halde jordskiftet.

Om avgjerda til jordskifteretten blir stadfesta, går det fram av § 66 at dei fristane som er fastsette i jordskiftesaka, skal reknast frå første årsdagen for slutting av jordskiftet etter at avgjerda er forkynnt. Dette blir eitt år etter forkynninga.

Overjordskifte kan etter § 64 ikkje fremjast så lenge anke til lagmannsrett ikkje er endeleg avgjort.

Det er fastsett i § 63 fjerde ledd at når ei avgjerd i ankesak til lagmannsretten har ført til endring i jordskiftet, skal jordskiftedommaren gi dei partane som endringa får verknad for, høve til å krevje ny frist for anke til jordskifteoverretten. Det same gjeld dei av partane som i anketida har fått endra eller skipa nye mellombelse bruksreglar etter § 60. Kjem det inn slikt krav, skal dommaren forkynne ny frist for anke til jordskifteoverretten for alle partane i jordskiftesaka, rekna frå denne forkynninga. I § 63 femte ledd er det eit unntak for overjordskifte som er påanka. I slike høve gir det ingen ny ankerett i sak etter § 60, men vedtaket kan vurderast på nytt etter krav frå nokon som vedtaket gjeld, dersom jordskifteoverretten likevel må gjere om skiftet.

Det går fram av § 71 at avgjerda jordskifteoverretten tek kan ankast til heil eller delvis oppheving på grunn av rettsbruken eller saksbehandlinga. Dommar og andre avgjerder kan ankast etter dei same reglane som for jordskifte. Ved slik anke gjeld dei same reglane som for anke i samband med jordskifte.

Den jordskiftedommaren som har styrt jordskiftet, har plikt til å møte fram til overjordskiftet etter innkalling frå jordskifteoverretten, sjå § 69 andre ledd.

#### *Anke i saker der jordskifte er kombinert med skjønn*

I § 6 første til fjerde ledd er det lista opp ei rekkje saker der jordskifte etter § 2 er kombinert med skjønn. I slike saker er ankespørsmålet meir komplisert enn det som er omtala ovanfor.

Anke over rettsbruk og saksbehandling går til lagmannsretten dersom:

- avgjerda gjeld delingsforretning etter § 87 i samband med skjønn etter § 6 første til fjerde ledd.
- avgjerda om fastsetjing er gjort i sak der jordskifteretten held skjønn etter § 6 første til tredje ledd dersom avgjerda om fastsetjing går ut på å setje ei avgjerd til påanke straks, sjå § 62 fjerde og femte ledd. Sak etter § 62 fjerde og femte ledd gjeld fremje av jordskifte, og andre vedtak som er grunngjeve med at det er mykje om å gjere å kome i gang med eit tiltak før skiftet er slutt.

Det går fram av § 61 andre ledd siste punktum at anke over andre avgjerder i sak etter § 6 første til fjerde ledd, berre kan ankast til lagmannsretten.

Ein følgje av dette er at det jordskiftefaglege ikkje får ei prøving i to instansar.

I reine skjønnsaker etter § 6 b går det fram av § 61 andre ledd fjerde punktum at rettsbruk, saksbehandlinga og erstatningsutmålinga kan ankast til lagmannsrett.

I § 6 b er det fastsett at jordskifteretten sine avgjerder knytt til skjønn skal følgje reglane i skjønnsprosesslova, men det står ikkje noko om behandlinga til lagmannsretten. Gjeld saka anke over skjønn, kan det såleis reisast spørsmål ved om reglane i skjønnsprosesslova skal gjelde ankebehandlinga. Ordlyden i jordskiftelova § 61 bruker omgrepet «ankast», noko som tilseier at lagmannsretten ikkje kan behandle saka som over-skjønn etter reglane i skjønnsprosesslova, og i praksis er det dette som er lagt til grunn.

### 3.3.8 Kostnader

#### *Kva partane betalar*

På same måte som for dei alminnelege domstolane, er kostnadene med verksemda til jordskifterettane delt mellom staten og partane i sakene. Over statsbudsjettet blir det gitt løyvingar til dei faste kostnadene som for eksempel husleige, løn og reisekostnader til dei tilsette. I § 74 niande ledd er det bestemt at slike kostnader ikkje skal betalast av partane. Regelen er viktig av omsyn til tillit og habilitet.

Partane betalar jordskiftekostnader. Dette er visse kostnader knytt til behandlinga av den saken dei har gåande for jordskifteretten. Reglane om slike kostnader finn ein først og fremst i kapittel 8, men òg i nokre andre paragrafar. Dels er reglane ei lovpositiv opprekning av kva for kostnader partane skal betale, sjå § 74 første til åttande ledd, sideutgifter, sjå § 74 andre ledd, utgifter til meddommarar, sjå domstollova § 105 a (rettsgebyrfor-skrifta §§ 1-2 til 1-6), godtgjering til vitne og sakkyndige, sjå lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse m.v. og regelen i § 75 tredje ledd om sakskostnader til det offentlege når vilkåra for dette er til stades. I sak for dei vanlege domstolane må partane òg betale slike kostnader.

Dels er kostnadene negativt avgrensa slik som i § 74 niande ledd. Aleine, eller i samspel med andre reglar, gjeld § 74 niande ledd for nokre kostnader som er karakteristiske for jordskifteretten. Jordskifteretten er for eksempel pålagt å merkje grenser og å koordinatfeste knekkpunkta i grensene. Det følgjer av § 74 niande ledd og § 58 andre ledd, lest i samanheng, at partane skal betale for sjølve grensemerka og for målehjelp knytt til

arbeidet med å få grensemerka på plass og koordinatfesta.

Utgangspunktet i sivilprosessen er at kostnadene med nødvendig opplysning av saka, kviler på partane. Det er òg tilfellet i saker for jordskifteretten. Likevel er det nok slik at jordskifteretten medverkar meir aktivt enn dei alminnelege domstolane når det gjeld avgjerder som påverkar kostnadene med opplysning av saka. Den viktigaste grunnen til dette er forskjellen på sivilprosess og jordskifteprosess. I sivilprosessen skal retten avgjere tvist, medan jordskifteretten skal løyse partane sine problem eller det tema som er brakt inn for retten.

Som for dei vanlege domstolane er det opp til partane om dei vil bruke sakkunnig hjelp i saka. Partane må sjølv betale for slik hjelp.

Etter § 78 kan staten påleggjast å betale kostnader med retting av feil. Det kan vere feil knytta til kart, utrekningar eller målearbeid.

#### *Fordeling av kostnadene mellom partane*

Jordskiftekostnadene skal delast mellom partane etter nytten dei har av saka, sjå § 76 første ledd. Dette gjeld for jordskifte, overjordskifte, rettsutgreiing og grensegang. Ved tvisteløysing i dei alminnelege domstolane er hovudregelen at den part som har vunne saka, har krav på full erstatning for sine sakskostnader, sjå tvistelova § 20-2 første ledd.

Når det gjeld tvisteløysing i sak for jordskifterett, gjeld likevel prinsippa i tvistelova for utgiftene til sakkunnig hjelp, sjå § 81 første ledd. § 81 er eit unntak frå hovudregelen om at partane ved jordskifte ber eigne utgifter til sakkunnig hjelp.

I ei jordskiftesak skal partane sine kostnader haldast opp mot nytten saka utløyser. For å kunne halde eit jordskifte, må det føre med seg ei samla netto privatøkonomisk nytte samstundes som ingen part lir tap. Dette er materielle vilkår som jordskifteretten har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere og grunngi. I denne samanheng er vilkåra viktige fordi dei set ei øvre grense for kostnadene som partane skal betale.

Når det gjeld garantien mot å li tap, blir kostnader partane kan styre fritt berre trekt inn i vurderinga så langt jordskifteretten meiner dei er nødvendige for å gjere omstillingsarbeidet. Risikoen ved meir eller mindre god opplysning av saka, fell på kvar enkelt part. Det er ikkje slik at overdrivne opplysningskostnader fører til avvising av jordskifte. Kostnader med rettsfastsetjing, for eksempel utgifter til advokat i tvistar, skal ikkje reknast med. På den andre sida er det òg slik at kostna-

dene med dei opplysningane jordskifteretten må ha for å utøve sine lovpålagde vurderingar, må reknast med.

Lova inneheld nokre unntak frå hovudregelen for desse sakstypene. Etter § 75 første ledd må rekvirenten betale kostnadene når jordskiftekravet er heilt grunnlaust, kravet blir kalla tilbake eller formfeil rekvirenten har skulda for, fører til at saka blir nekta fremja. Etter § 75 andre ledd må den som krev overjordskifte, bere kostnadene med det dersom overjordskiftet ikkje fører med seg monaleg endring i høve til jordskiftet. Av § 76 andre ledd første punktum følgjer at utgift som omsynet til berre enkelte eigedommar eller partar har valda, kan leggjast på vedkommande aleine. Tilsvarende kostnadsdelingsregel finn ein òg i § 43 tredje ledd. Denne gjeld for investeringstiltak som gjeld minst to partar. Etter § 76 andre ledd andre punktum skal den som er skuld i at krav eller opplysningar er sette fram for seint, betale dei kostnadene som kjem av dette.

For skjønn som eiga sak for jordskifterett, gjeld skjønnsprosesslova sine reglar om kostnader, sjå gjeldande jordskiftelov § 6 b første ledd. For skjønn knytt til offentleg ekspropriasjon eller offentleg regulering av eigarrådvelde, går skjønnet som ein del av jordskiftesaka, men etter § 6 b andre ledd fell kostnadene på den som eksproprierer eller den som regulerer eigarrådvelde. Det same gjeld dersom det blir frivillig avståing etter § 6 tredje ledd. For skjønn etter reindriftslova som jordskifteretten held med heimel i § 6 a, er det egne reglar om kostnader. For skjønn som blir halde med heimel i §§ 42 andre og tredje ledd og 44 tredje ledd, fell kostnadene med skjønnet på partane i jordskiftesaka.

Med heimel i § 89 b er det gitt forskrift om forsøksordning med rettsmekling for jordskifterettane. Etter § 9 i forskrifta er hovudregelen at kostnadene med meklinga skal delast likt mellom partane. Paragraf 9 inneheld òg nokre unntaksreglar som ein ikkje finn grunn til å gå nærare inn på her.

Etter § 81 første ledd gjeld kapittel 20 i tvistelova for kostnader til sakkunnig hjelp i tvistar. I dei seinare åra har jordskifteretten i gjennomsnitt løyst meir enn ein tvist pr sak gjennom rettsforlik

eller dom. Dette viser at kostnadsreglane i tvistelova er mykje brukt i jordskifteretten, men altså berre for sakkunnig hjelp i tvistar.

Etter § 77 kan jordskifteretten bestemme at leigar eller annan som har liknande rett, skal betale jordskiftekostnader og andre kostnader jordskiftet fører med seg, til eigaren. Regelen velter kostnader over på leigar som elles til vanleg ikkje er part i eit jordskifte.

#### *Betaling av kostnader*

Hovudregelen om når kostnadene skal betalast, finn ein i § 80 andre ledd. Regelen er at utgifter som er pålagt ein part, forfell til betaling 15 dagar etter at vedkommande er gjort kjent med kravet. For dei vanlege domstolane og skjønn som følgjer reglane i skjønnsprosesslova, er betalingsfristen to veker.

Inngangsgebyret etter § 74 første ledd skal til vanleg vere betalt for at saka skal vere lovleg innkomme til jordskifteretten, sjå § 79 første ledd første punktum.

Etter § 79 kan det krevjast at den som set fram krav om jordskifte eller overjordskifte, skal betale forskot eller gi trygd for dei kostnadene som etter eit førebels overslag vil falle på partane. Etter andre punktum i § 79 kan rekvirenten få ein frist på opptil tre veker.

Kostnader til omstilling som berre gjeld ein eigedom, er det vanleg at eigaren må betale aleine. Jordskifteretten gir ikkje pålegg om å gjere ei slik omstilling fordi det ikkje er nokon andre enn eigaren som kan følgje opp at omstillinga gjennomførast. Nyten eigaren kan hente ut av omstillinga, er det motiv som fører til at ho som regel blir realisert.

Når omstilling gjeld minst to eigedommar, skal jordskifteretten ta dei avgjerdene som er nødvendige for iverksetjing og framtidig bruk, sjå § 42 tredje ledd. Etter § 91 er slik avgjerd tvangsgrunnlag og tinglysing av rettskraftig sak gir panterett i eigedommen eller bruksretten. Dette gir alle som er med på slike felles omstillingstiltak, heimel for å setje i verk tiltaket. Da er det opp til kvar enkelt når desse kostnadene skal betalast.

## 4 Rettstilstanden i andre land

I Noreg er jordskiftearbeidet lagt til ein domstol. Ved Stortinget si behandling av Ot.prp. nr. 106 (2002–2003) blei det tatt ei prinsippavgjerd om at det framleis skal vere slik. Elles i Europa er det mest vanleg å finne jordskifteverksemda lagt til frittstående forvaltingsorgan som ligg under landbruksdelen av statsadministrasjonen. Dette er ein så vesentleg forskjell mellom norsk og framand rett at framand rett får avgrensa relevans. Dette gjeld særleg for reglane for saksbehandling. Det er større likskap når det gjeld kva for oppgaver som ligg til jordskifteverksemda i land som det er nærliggjande å samanlikne Noreg med.

Når det gjeld endringsoppgåvene, er det mykje som er felles i land som Sverige, Tyskland, Frankrike og Noreg. Det kjem av at behova er av same art. Ny teknologi i landbruket, vekst i arealstorleiken til landbruksføretaka, behov for effektiv infrastruktur for kommunikasjon, aukande krav til vern av dyrka jord og tiltakande mangel på anna byggjegrund i vekstområda, er berre nokre av dei utviklingstrekkene som er like. Slike endringar fører ofte til behov for å tilpasse dei faste eigedommane til ein ny situasjon. I eit politisk system som byggjer på privat eigedomsrett og etter måten fri handel med og danning av grunneigedommar, skjer mykje av tilpassinga ved handel med eksisterande eigedommar og ved utskilling av og omsetjing av nye eigedommar. I tillegg kan ein ta omsyn til behova for ny eigedomsutforming ved ekspropriasjon. Likevel er det lang og sikker erfaring for at dette ikkje er tilstrekkeleg for å få til ei tilpassing av fast eigedom som ikkje berre eigarane, men òg samfunnet i stort er tent med.

Dette er bakgrunnen for at det meste av kjerneoppgåvene i endringsarbeidet til jordskifteverksemdene i desse landa er like. Staten stiller eit apparat til disposisjon for at transaksjonskostnadene med endringsarbeidet ikkje skal bli så store at dei blir til uholdbare hindringar for ei tenleg utvikling av landa sine faste eigedommar når det gjeld utforming og bruksrettshøve. I det alt vesentlege finn ein òg dei same grunnleggjande vilkåra. Eigedommane skal ikkje bli dårlegare og den samla nytten av eit jordskifte må stå i eit rime-

leg samsvar med kostnadene. Verkemidla er òg mykje godt dei same som ein finn i Noreg.

Det er større skilnader mellom landa når det gjeld andre oppgaver enn dei rettsendrande. Den tyske jordskifteverksemda har dei same oppgåvene som i Noreg. I tillegg har dei nok noko meir oppgaver knytt til vassressurslovgivinga og er meir brukt i samband med ekspropriasjon. I Sverige har ikkje jordskifteverksemda skjønne. Elles er det stort sett likearta oppgaver som her. I Frankrike kan ikkje jordskifteverksemda avgjere tvist om materielle rettar som grenser og bruksrettar.

Det er særleg på eitt grunnleggjande område at det er forskjell mellom Noreg og dei andre tre landa. I Noreg må jordskifteretten i gjennomsnitt seie dom, få i stand rettsforlik eller gjere eit rettsfastsetjande vedtak litt over ein gong i kvar einaste sak. I dei andre landa er det berre unntaksvis nødvendig å gjere dette. Årsaka til dette er forskjellen i matrikkelsystemet. I dei fleste europeiske landa finn ein velutvikla matrikkelsystem med røter tilbake til 1700- og 1800-talet. Eigedomsdelingar med grensebeskriving, eigedomskart, registrering og tinglysing skapte notoritet og publisitet om eigedomsgrenser og bruksrettar. Over tid førte dette til få tvistar. I Noreg har ein berre hatt eit rimeleg godt matrikkelsystem i om lag 30 år.

Den store forskjellen i behovet for avgjerd i materielle spørsmål om grenser og bruksrettar var – og er – eit tungtvegande argument for at jordskifteverksemda i Noreg er organisert som ein domstol. Prosessøkonomisk er det mykje å vinne på denne organiseringa. I dei land der jordskifteverksemda kan ta avgjerd om grenser og bruksrettar, er det vanleg at anke over avgjerda går til domstolane. I prinsippet fører det til at desse avgjerdene kan prøvast i fleire instansar enn i Noreg. Departementet meiner det er ei fullgod løysing at slike avgjerder kan prøvast i like mange instansar som andre spørsmål av same art som kjem opp for dei alminnelege domstolane i Noreg.

Departementet viser elles til framstillinga av utanlandsk rett i kapittel 8 i NOU 2002: 9 Jordskifterettens stilling og funksjoner. Ei framstilling av svensk rett er gitt i høyringsnotatet vedlegg 4.

## 5 Behovet for lovendringar

### *Innleiing*

Departementet vil i dette kapitlet gjere nærare greie for behovet for endring av jordskiftelova. Departementet meiner det særleg er behov for endringar som kan gjere jordskiftelova enklare og lettare å forstå for dei som bruker lova. Det er behov for ei klarare og meir oversiktleg lov, der ein mellom anna skil betre mellom materielle reglar, det vil seie reglane om kva jordskifteretten kan gjere for å betre eigedoms- og brukstilhøve, og reglar om saksbehandling. Det er nødvendig med ein annan systematikk og ei klargjering av terminologi og omgrep. Det er òg behov for ei forenkling av rettsmiddelordninga (anke) som i dag følgjer «to spor», med anke anten til jordskifteoverrett eller lagmannsrett, avhengig av kva det blir anka over. Det er òg eit endringsbehov når det gjeld dei materielle reglane. Når det gjeld organiseringa av domstolane, er det ikkje behov for endringar ut over dei endringane som følgjer av rettsmiddelordninga.

### 5.1 Høyringsforslaget

#### 5.1.1 Behovet for endring av systematikken i lova

Arbeidsgruppa meiner at gjeldande jordskiftelov er uoversiktleg, vanskeleg tilgjengeleg og moden for revisjon. Gruppa peikar på at det er gjennomført ei rekkje enkeltståande lovendringar sidan 1979, slik at lova av mange nå blir rekna som ei uoversiktleg og etter måten gamaldags lov.

I høyringsnotatet kapittel 5.6.1 uttaler arbeidsgruppa at den nye jordskiftelova bør ha ein annan systematikk i reglane enn den ein finn i gjeldande jordskiftelov. I gjeldande jordskiftelov finn ein materielle og prosessuelle reglar om kvar andre. Det er ikkje noko grunnleggjande skilje mellom dei. Gangen i eit tradisjonelt jordskifte er det ordnande elementet i, eller logikken bak reglane. Dette kan vere greitt for dei som har innsikt i jordskifte, men er neppe lett tilgjengeleg for dei som blir part i sak for jordskifterett for første gong. Særleg må det gjelde for rettsutgreiing og grense-

sak. Arbeidsgruppa meiner det er eit stort behov for å skilje betre mellom materielle reglar og reglar om saksbehandling. Eit hovudgrep i forslaget til ny jordskiftelov er derfor å gi dei ulike saksstypene egne kapittel, og å gi eit eige kapittel med reglar om saksbehandling.

Arbeidsgruppa vel ei løysing for organiseringa av reglane der dei kjem i ei meir logisk rekkjefølgje enn dei gjer i gjeldande jordskiftelov. Arbeidsgruppa meiner forslaget dermed gir ei klarare og meir oversiktleg lov. Arbeidsgruppa viser òg til at det i mandatet er lagt som ei føring at dei forskjellige sakstypene bør få egne kapittel. Det bør òg vere eit skilje mellom materielle reglar og reglar om saksbehandling. Det bør òg vere eit eige kapittel som inneheld reglar om saksbehandling som gjeld for meir enn ein sakstype. Reglar om saksbehandling som berre gjeld for ein sakstype, bør vere i det kapitlet som omhandlar den sakstypen.

Arbeidsgruppa deler høyringsforslaget inn i kapittel etter følgjande hovudtema: I kapittel 1 foreslår arbeidsgruppa innleiande reglar om formålet med lova, geografisk og sakleg verkeområde og definisjonar, i kapittel 2 organisatoriske reglar om jordskifterettane (jordskiftesokn, oppnemning av dommarar og meddommarar, kompetansekrav, samansetjinga av retten med vidare). Arbeidsgruppa meiner desse føresegnene bør kome tidleg i lova slik at dei som les lova, raskt blir klar over kva for rettsinstans som behandlar sakene.

Kapitla 3 til 5 i høyringsforslaget inneheld dei materielle reglane, det vil seie reglar om dei ulike sakstypene. I kapittel 3 finn ein reglar om jordskifte (rettsendrande saker), i kapittel 4 reglar om grensesak og rettsutgreiing (rettsfastsetjande saker) og kapittel 5 reglar om skjønnsakene.

I kapittel 6 er det reglar om saksbehandling, i kapittel 7 reglar om sakskostnadene medan ein i kapittel 8 finn føresegnene om bruken av rettsmiddel mot avgjerdene til jordskifteretten. Til slutt foreslår departementet eit kapittel 9 med «ymse føresegner» som mellom anna overgangsreglar og reglar om ikraftsetjing og endringar i andre lover.

Når det gjeld nummereringa av paragrafane, vel arbeidsgruppa ei kapittelvis nummerering, det vil seie at paragrafane får nummerering i høve til det kapitlet i lova dei står i (§ 1-1, § 1-2 og så vidare).

### 5.1.2 Behovet for endringar i reglane om saksbehandling

I høyringsforslaget viser arbeidsgruppa til at reglane om saksbehandling i gjeldande jordskiftelov i det store og heile byggjer på dei same prinsippa som anna prosesslovgiving. Arbeidsgruppa meiner likevel at reglar om saksbehandling ikkje lenger tilfredsstillar dei krava ein må stille til ei moderne lov, med omsyn til klar og oversiktleg redigering og lettfatteleg språk. Bruken av omgrep er heller ikkje eintydig. Gruppa meiner det er behov for ei opprydding og forbetring av strukturen i reglane om saksbehandling, slik at vi får ei meir pedagogisk og logisk oppbygd lov. Arbeidsgruppa har som mål å lage prosessreglar som var lettare tilgjengelege enn reglane i gjeldande jordskiftelov. Reglane er meint å vere instruktive og klare språkleg sett. Arbeidsgruppa meiner det vil vere mykje å oppnå ved ei meir systematisk tilnærming til dei ulike elementa i reglane om saksbehandling. Reglane bør kome i naturleg rekkjefølgje i høve til det stadiet ein er i prosessen.

### 5.1.3 Behovet for endringar i materielle reglar

Forslaga frå arbeidsgruppa er i det vesentlege endringar av strukturell og lovteknisk karakter. Arbeidsgruppa foreslår endringar i dei materielle reglane (det vil seie reglane om dei verkemidla jordskifterettane rår over). Desse endringane har likevel mest karakter av å vere justeringar og tilpassingar av dei verkemidla ein allereie finn i gjeldande jordskiftelov, sjå § 2. Arbeidsgruppa foreslår for eksempel at jordskifte òg skal omfatte det å kunne skipe sameige. Arbeidsgruppa går òg inn for å ta reglane om avskipping og omskiping ut av lov um særlege råderettar over framand fast eigedom (servituttløva), og erstatte dei med avløyning og endring etter jordskiftelova.

Arbeidsgruppa viser i kapittel 5.4.1 og 5.6.4 til at verkemidla i jordskifte, etter 150 års verksemd, er basert på solid erfaring og stegvis tilpassa behova. Sjølv om dette ikkje eksplisitt går fram av lova i dag, byggjer verkemidla i gjeldande jordskiftelov på varige og klare behov for å skape klare eigedomstilhøve og rasjonelt utforma eigedom-

mar og rettar knytt til fast eigedom. Ei rekkje verkemiddel tek sikte på å vere reiskap for eigarar og brukarar av eigedom for å oppnå dette. Arbeidsgruppa meiner at erfaringa ikkje tilseier at ein bør gjere mange endringar når det gjeld verkemiddel. Med visse tilpassingar foreslår gruppa derfor å føre vidare verkemidla ein finn i gjeldande jordskiftelov § 2.

Arbeidsgruppa meiner at sakstypane grensesak (grensegang) og rettsutgreiing bør først vidare, men med visse justeringar, sjå kapitla 5.7 og 5.8 i høyringsforslaget. Likeeins foreslår gruppa å føre vidare heimlane for skjønn med visse justeringar. Arbeidsgruppa peikar på at reglane om skjønnskompetansen til jordskifteretten i gjeldande lover kan vere vanskelege å forstå, og at det ikkje er lett å skaffe seg oversikt over når jordskifteretten kan halde skjønn eller kva for reglar om saksbehandling skjønna skal behandlast etter. Gruppa foreslår òg at jordskifteretten skal ha kompetansen aleine til å halde visse skjønn og ta andre avgjerder etter andre lover som i gjeldande lov blir kalla skjønn, sjå kapittel 5.9 i høyringsforslaget.

### 5.1.4 Behovet for endringar i terminologi og omgrep

Arbeidsgruppa meiner at ein meir konsekvent og bevisst bruk av omgrep, vil gjere lova lettare å forstå. Særleg gjeld dette for omgrep knytt til saksbehandling og avgjerder når desse er spesielle for saker etter jordskiftelova. Gruppa peikar òg på at jordskiftelova over tid har endra seg frå å vere ei lov for landbrukseigedommar til å gjelde dei fleste former for eigedom og rettar. Denne lovrevisjonen inneber òg nokre slike endringar. Det er behov for å gå frå ord som er knytt til landbruksnæring, til ord som er knytt til eigedom og rettar i sin alminnelegheit.

Arbeidsgruppa meiner det er behov for å innføre fleire nye omgrep, og for å definere dei viktigaste av dei i ein eigen definisjonsparagraf. Gruppa foreslår mellom anna å endre omgrepet «skiftefeltet» til » jordskifteområdet» fordi omgrepet skal omfatte alt frå tradisjonell utforming av teigar til nye bruksreglar og at «område» er betre enn «felt» fordi det språkleg sett har ei vidare tyding. Arbeidsgruppa foreslår «jordskiftegrunnlaget» som nytt omgrep på den oversikta retten skal lage over verdien av det kvar part rår over, før endringsarbeidet tar til. Omgrepet «utkast til skifteplan» i gjeldande lov, foreslår arbeidsgruppa endra til «jordskifteløysing». Arbeidsgruppa foreslår omgrepet «jordskifteavgjerd» som namn på



avgjerder berre jordskifterettane tek, mellom anna om verdsetjing av det som skal gå i byte i jordskifte og den endelege jordskifteavgjerda. Arbeidsgruppa foreslår òg «semjedom» som namnet på avgjerd om grenser, eigedomsrett, bruksrett, tyngsler eller anna når det ikkje er tvist mellom partane. Ved tvist skal retten seie «dom» slik dei ordinære domstolane gjer.

Arbeidsgruppa foreslår at omgrepet «grensesak» skal erstatte «grensegang» som blir brukt i gjeldande jordskiftelov. Arbeidsgruppa uttaler at omgrepet grensesak skal femne om alle saker for jordskifteretten som berre gjeld kvar ei grense går. Grensesak er både eit kortare ord enn grensegangssak, og eit ord som språkleg umiddelbart dekkjer alle aktuelle saker.

Arbeidsgruppa viser til at omgrepet «skjønn» nå blir brukt i ulike tydingar. Normalt blir det brukt på to måtar. For det første kan det brukast for å få fram kva skjønnsstema det dreier seg om. For det andre kan omgrepet skjønn brukast for å få fram at avgjerda skal gå etter ein serleg rettarangsmåte som er regulert i skjønnsprosesslova. Det at jordskifteretten etter lova kan halde skjønn, eller ta skjønnsmessige avgjerder, inneber oppgåver av ulik karakter. Arbeidsgruppa meiner at omgrepet skjønn i utgangspunktet bør brukast om tradisjonelle vurderingar som går på fastsetjing av erstatningsvederlag eller liknande. Arbeidsgruppa foreslår å ta omgrepet «fritt skjønn» ut av lova.

Ved lovendringa i 1991 blei namnet på overprøvinga av feil som gjeld kart, utrekningar, målearbeid med vidare, endra frå «gjennomsyn» til «anke». Namneendringa medførde ikkje realitetsendring. Arbeidsgruppa foreslår òg at omgrepet «gjennomsyn» skal takast i bruk att, ettersom dette er ein eigen overprøvingmåte.

### 5.1.5 Behovet for endringar i rettsmiddelordninga

Eit av dei viktigaste endringsforslaga frå arbeidsgruppa, er forslaget om endringar i rettsmiddelordninga. Forslaget inneber at ein endrar gjeldande ordning med to spor (overprøving i anten jordskifteoverretten eller lagmannsretten) til eit system der det er ein overprøvinginstans (lagmannsretten) for bruk av rettsmiddel mot alle typar avgjerder i jordskifteretten. Arbeidsgruppa meiner at det gjeldande tospora systemet ikkje kan førast vidare uendra. Gruppa foreslår at eksisterande jordskifteoverrettar blir fusjonert inn i lagmannsretten. Gruppa meiner at samansetjinga av dommarar i lagmannsretten i den enkelte saka

må variere alt etter kva for avgjerd som er teken av jordskifteretten i første instans. Den løysinga arbeidsgruppa landa på, byggjer òg på det grunnleggjande skiljet mellom rettsfastsetjande avgjerder og rettsendrande avgjerder i jordskifteretten. Dei rettsendrande avgjerdene blir ikkje løyst i anna prosesslovgiving, noko som skaper behov for visse særskilde reglar om saksbehandling i første instans. Dette behovet er òg til stades i ankeinstansen. I tillegg til å ta avgjerd i rettsfastsetjande og rettsendrande saker, tek jordskifteretten avgjerd i skjønn. Jordskifteretten utfører dessutan merking av grenser og lagar kart som viser resultatet av saka. Føresegnene om rettsmiddel skal såleis dekkje svært ulike tema der avgjerda kan gjelde eitt tema aleine i ei sak, eller fleire tema i same sak.

Arbeidsgruppa legg fram eit alternativt forslag til ankeordning, sjå vedlegg 2 til høyringsnotatet. Arbeidsgruppa er merksam på at det blant dommarar frå både lagmannsrettane og jordskifteoverrettane blir peika på at ei løysing med to spor kan vere eit brukande alternativ i framtida. Arbeidsgruppa har derfor utarbeidd ei alternativ lovtekst der det tospora systemet blir oppretthalde.

Arbeidsgruppa uttaler at ho, med unntak av rettsmiddelordninga, ikkje kunne sjå at det er noko behov for å endre realiteten i reglane som gjeld oppbygginga av domstolane, sjølv om ein gjer ei gjennomgripande revisjon av jordskiftelova. Arbeidsgruppa meiner likevel at reglane om samansetjinga i retten ved behandling av sakene bør endrast, slik at dei blir betre tilpassa tvistelova. Særleg gjeld det saker som gjeld «små» problem, eller grenser i område med låg arealverdi, sjå drøftingane til arbeidsgruppa i høyringsnotatet kapittel 5.5.

## 5.2 Høyringsinstansane

### 5.2.1 Uttalar om behovet for endringar i systematikken i lova

Dei høyringsinstansane som uttaler seg om strukturelle og lovtekniske spørsmål meiner høyringsforslaget er meir logisk og oversiktlig oppbygd enn gjeldande jordskiftelov.

*Justisdepartementet* støttar arbeidsgruppa i at det i større grad bør skiljast mellom materielle og prosessuelle reglar, og at det bør vere egne kapitlar for dei ulike sakstypene. Dette lettar oversikta.

*Domstoladministrasjonen (DA)* peikar i si uttale på at det i saker ved jordskifterettane er mange sjølvprosederande partar. Det er bare i 1/3 av sakene at partane er representerte ved advo-

kat. Ny jordskiftelov må derfor leggje til rette for sjølvprosederande parter. DA uttaler:

«Å ivareta hensynet til selvprosederende parter innebærer blant annet at det må stilles særlige krav til loven med hensyn til oppbygging, systematikk og at den skal være lett tilgjengelig for brukerne av jordskifteretten. Lovutkastet er langt mer oversiktlig enn dagens jordskiftelov ved at man skiller mellom materielle og prosessuelle bestemmelser, med gjennomgående gode kapitteloverskrifter, og ved at hver bestemmelse har overskrift.»

*Sør-Rogaland jordskifterett* meiner arbeidsgruppa har gjort eit grundig arbeid og at ho har lagt fram eit godt forslag til ny lov, sjølv om ein del detaljer kunne vore annleis. *Sør-Rogaland jordskifterett* uttaler:

«Den dårlige strukturen i dagens jordskiftelov er etter vårt syn det beste argumentet for ny lov. Vi mener arbeidsgruppa har funnet fram til en oversiktig og logisk oppbygning i lovutkastet. Jordskiftedomstolene skal drive med både rettsfastsettende og rettsendrende oppgaver. For rettsfastsettende oppgaver må vanlige rettergangsregler gjelde. For rettsendrende oppgaver er det behov for egne regler, men disse må ikke bryte med de prinsippene sivilprosessen bygger på. Vi ser det som særdeles utfordrende å få til en god harmonisering av alminnelig sivilprosess og jordskifteprosess. Etter vår oppfatning har arbeidsgruppa klart dette på en god måte.»

*Jordskiftedommarane i Gulating* meiner òg det er nødvendig med ei ny lov. Dei meiner gjeldande lov er for dårleg på tre områder; ho har for dårleg struktur og er uoversiktleg, ho treng ei opprydding med omsyn til den kompetansen jordskifteretten har, og prosessreglane er ikkje utforma med tanke på at jordskifteretten er ein domstol. *Jordskiftedommarane i Gulating* meiner at arbeidsgruppa har teke fatt i hovudproblema og rydda godt når det gjeld dei to første områda, men at arbeidsgruppa ikkje har komme heilt i mål med det siste.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedomme* meiner høyringsnotatet vil vere eit godt utgangspunkt for å få på plass ei ny jordskiftelov. Dei uttaler:

«Notatet til arbeidsgruppa er bygd opp på en strukturert måte med forslag til ny lovtekst. Lovteksten er bygd opp logisk. Vi vil særlig

fremheve betydningen av at lovteksten inneholder gode og informative overskrifter.»

Dei sentrale organa innanfor samferdselssektoren er òg nøgde med systematikken i høyringsforslaget. *Samferdselsdepartementet* uttaler:

«I Samferdselsdepartementets gjennomgang av lovutkastet finner vi generelt at forslaget fremstår som en grundig og gjennomtenkt fornyelse av den gjeldende loven.»

*Statens vegvesen* uttaler:

«Det første vi merker oss er at lovteksten er fullstendig omredigert i forhold til någjeldende lov. Hensikten har vært å få en ryddigere og mer logisk oppbygd lov som er enklere å forstå, ikke minst for de mange grunneiere som kommer i kontakt med loven. Etter vår vurdering har en lykkes bra med dette.»

*Jernbaneverket* uttaler:

«Av høyringsnotatet fremgår at det primære formålet med å revidere jordskifteloven er å gjøre loven mer tilgjengelig for folk flest. Gjeldende jordskiftelov oppfattes av mange som vanskelig å forstå og komplisert å forholde seg til. Spesielt volder sammenblendingen av prosessuelle og materielle regler og rettsmiddelordningen uklarheter. Med hovedformålet for øye, bærer lovutkastet preg av å være godt gjennomarbeidet. Den nye strukturen for inndeling i kapitler og paragrafbetegnelser innbyr intuitivt til en logisk fremstilling av jordskiftevirksomheten. Det er viktig at lovens formål, administrative bestemmelser og saksbehandlingsregler skilles tydelig fra de ulike sakstypene. I de fleste saker er sakstypene det mest sentrale og håndgripelige for partene. For hver sakstype er det viktig tydelig å angi hvilke virkemidler som stilles til disposisjon. Når sakstypene er gitt hvert sitt kapittel med egen overskrift, mener vi dette hensynet er tilstrekkelig ivare tatt.»

*Advokatforeningen* ser fram til ei jordskiftelov som i moderne språkdrakt, og med klare reglar definerer jordskifteretten sin kompetanse og saksbehandling. *Advokatforeningen* uttaler :

«Målet må imidlertid ikke være å utvide jordskifterettens kompetanse. Saksbehandlingsreglene bør legges så tett opp til twistelovens

regler som mulig, fordi tvisteloven sikrer en forsvarlig og korrekt kontradiktorisk behandling. Disse hensyn er i stor grad ivaretatt i lovutkastet.»

*Fylkesmannen i Rogaland* er positiv til at gjeldande lov blir gjennomgått og erstatta med ei ny og meir oversiktlig lov, slik høyringsforslaget legg opp til. Fylkesmannen har ingen merknader til dei enkelte lovføresegna, og uttaler:

«Me vil likevel nytte høve til å poengtere at det er naudsynt og viktig med ei lov som kan bidra til å sikre gode og tenelege eigar- og rettstil høve, som igjen bidrar til betre drifts- og bruks- tilhøve i landbruket. Her spelar jordskiftelova og jordskifterettane ei viktig rolle, anten det gjeld uklare bruksrettstil høve eller eigartil høve, i eit utal av ulike sakstypar.»

*Fylkesmannen i Hordaland* meiner at lovforslaget har gode løysingar på dei viktige ankepunkta mot gjeldande jordskiftelov, og at det representerar ein oversiktleg, moderne og meir effektiv lov til løysing av uvisse og tvistar knytt til fast eigedom.

*Fylkesmannen i Sør-Trøndelag* meiner høyringsforslaget inneheld eit klart skilje mellom reglar om kompetanse og reglar om saksbehandling, og at forslaget inneber ein meir systematisk og lettare tilgjengeleg lov, blant anna ved at dei ulike sakstypane har fått egne kapittel. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag uttaler:

«Vi støtter arbeidet med å forenkle jordskifteloven, bl.a. med det formål å gjøre den lettere tilgjengelig for grunneiere og rettighetshaver.»

*Fylkesmannen i Hedmark* gir uttrykk for tilsvarende synspunkt.

*Statens kartverk* er òg positiv til høyringsforslaget:

«Kartverket er generelt positive til det foreslåtte utkastet til ny jordskiftelov, og vil særlig fremheve at utvalget har laget et utkast med en struktur som gjør innholdet langt lettere tilgjengelig, enn hva den gamle loven var etter diverse lovrevisjoner. Det er også bra at man har tatt inn over seg begrepsbruken fra matrikkelloven, og at jordskifterettens kompetanse beskrives i forhold til matrikkelenhetstyper.»

*Norges Bondelag* meiner òg at dagens lov er uklar og vanskeleg tilgjengeleg. Høyringsforslaget inne-

ber ei tydeleggjering og opprydding i reglane i gjeldande jordskiftelov. Bondelaget uttaler:

«Lovforslaget synes godt strukturert og oversiktlig, og innholdet fremstår som lett tilgjengelig sammenlignet med dagens lovtekst. Norges Bondelag anser jordskifteretten som et viktig verktøy for å forebygge og løse konflikter vedrørende fast eiendom. Flere av endringene som foreslås i «Høyringsnotat om ny jordskiftelov» (av 21. august 2009), vil bidra til en styrking av jordskifterettens stilling ved økt tilgjengelighet og økt tillit hos borgerne. Norges Bondelag støtter utkastet til ny jordskiftelov med de presiseringer som fremgår av dette brevet.»

*Teknisk-naturvitenskapelig forening* (Tekna) uttaler:

«Tekna støtter hovedintensjonen med lovkastet som er å gi jordskifteloven en ny oppbygging og struktur for å gjøre den lettere tilgjengelig, og ellers videreføre hovedinnholdet i gjeldende jordskiftelov fra 21. desember 1979, men med en del endringer for å tilpasse loven til dagens situasjon. Tekna vil imidlertid uttrykke skepsis til måten lovarbeidet er organisert på. Foreliggende lovarbeid er en «totalreovering» av gjeldende jordskiftelov, og er etter måten blitt et svært omfattende og komplisert arbeid. Etter Teknas vurdering burde derfor lovarbeidet vært organisert på den måten som er vanlig i slike tilfelle: med et bredt sammensatt offentlig utvalg.»

*Skogeigarforeiningane – Norges Skogeierforbund* og *NORSKOG* – som representerar mange av dei største grunneigarane i Noreg, meiner høyringsutkastet er eit godt utgangspunkt for endringar: *Norges Skogeierforbund* uttaler:

«Jordskifteretten er et nyttig verktøy for våre medlemmer, og vi oppfatter forslaget til ny jordskiftelov som oversiktlig og tilgjengelig slik det er beskrevet i høyringsbrevet.»

*NORSKOG* uttaler:

«NORSKOG har gått gjennom forslaget til ny jordskiftelov, og har merket seg at det i all hovedsak ser ut til å være et godt gjennomarbeidet forslag. Arbeidsgruppa bak det nye forslaget har utarbeidet forslaget med det som mål å lage en modernisert jordskiftelov som er mer systematisk og lettere tilgjengelig, blant

annet for grunneiere og bruksrettshavere som kommer i kontakt med loven. Dette har arbeidsgruppa, slik NORSKOG vurderer det, klart på en god måte. Den nye loven som er sendt ut på høyring er både mer logisk, systematisk og oversiktig enn den gamle.»

### 5.2.2 Uttalar om behovet for endringar i reglane om saksbehandling

Alle høyringsinstansar som uttaler seg om spørsmålet, meiner det er behov for endringar i reglane om sakbehandling. Det er likevel mange ulike syn på korleis reglane om saksbehandling konkret bør utformast, sjå meir om dette i kapittel 12, og dei høyringsfråsegnene som det visast til der.

*Domstoladministrasjonen* meiner at delar av lovforslaget er noko uferdig og peikar mellom anna på at reglane om saksbehandling må bli utforma slik at omsynet til dei sjølvprosederande blir teke vare på.

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* meiner òg det er behov for lovrevisjon. Dommarane peiker mellom anna på at det er nødvendig med ein gjennomgang av prosessreglane, under dette samordninga med tvistelova.

*Fylkesmannen i Hordaland* meiner mellom anna at reglar som gir raskare og billegare prosesser, og som skiljer mellom materielle og prosessuelle reglar er eit gode. Fylkesmannen uttaler:

«Den nye tvistelova trådte i kraft 1.1.2008 og har som hovudformål å gi ein meir effektiv rettspleie med raskare, billegare og meir riktig tvisteløsning for partane. Dette er prinipp som også bør gjelde i jordskifteretten som særdomstol. Ein har valt å la tvistelova gjelde også i saker for jordskifteretten. Berre der det er gode grunnar for det, er det gjort avvik/unntak frå tvistelova sine reglar. Såleis vil reglane om forlikrådsbehandling og småkravprosess ikkje gjelde. Med høyringsframlegget sitt konsekvente skilje mellom materielle og prosessuelle reglar, framstår lovtæksten som ei vesentleg betring i høve til gjeldande lov.»

*Norges Bondelag* er òg oppteken av at regelverket skal vere brukarvennleg og lett tilgjengeleg. Det bør vere så få særreglar som mogleg for jordskifteretten, òg når det gjeld prosessreglar. Norges Bondelag uttaler:

«Ved tvisteløsning som rettsutgreiing og grensegang, bør tvisteloven anvendes med mindre det er særlege forhold som taler foren annen

løsning. Tilsvarende bør skjønn for jordskifteretten følge skjønnsprosesslovens regler. Det fremstår som mindre heldig at publikum skal kunne velge domstol etter hvilken prosessordning som passer best. Jordskifteretten bør i stedet velges fordi den har en særlig kompetanse som de alminnelige domstoler mangler.»

*Advokatforeningen* meiner reglane om saksbehandling bør leggjast så tett opp til reglane i tvistelova som mogleg:

«fordi tvisteloven sikrer en forsvarlig og korrekt kontradiktorisk behandling. Disse hensyn er i stor grad ivaretatt i lovutkastet.»

*Jordskifteoverrettane* meiner det er svært viktig at reglane om saksbehandling tar omsyn til at jordskifteretten òg i framtida skal kunne brukast av sjølvprosederande partar.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* viser til at skiljet mellom formelle vilkår for sak, og vilkåra for den materielle vurderinga (realitetsbehandlinga), er uklart etter gjeldande lov:

«Både jordskifteretten, prosessfullmektiger og ikke minst selvprosederende parter, har i mange tilfeller vanskelig for å trekke opp et klart skille mellom det ene kontra det andre. Fremmingsvedtaket kommer ofte for tidlig i prosessen; dvs. før det materielle er tilstrekkelig vurdert. Vi håper derfor at man i det forestående lovarbeidet trekker opp klare skillelinjer mellom formelle vilkår og det vi kaller den materielle vurderingen. I denne sammenheng vil vi peke på at vi stiller oss bak arbeidsgruppas konklusjon om at fremmingsvedtaket bør tas ut av loven; jf. eget punkt om dette.»

*Jordskifteoverrettane* viser til at ein i høyringsforslaget har samla reglane om saksbehandling i eit eige kapittel, og uttaler:

«Dette er ei positiv forbetring i forhold til dagens lov. Ei slik opprydning i lova gjer saksbehandlingsreglane lettare tilgjengeleg».

### 5.2.3 Uttalar om behovet for endringar i materielle reglar

*Justisdepartementet* er samd i at ein bør skilje mellom materielle og prosessuelle reglar og ha egne kapittel for dei ulike sakstypene. Justisdepartementet er òg samd i at avskipping og omskiping av særlege råderettar over framand fast eigedom

(servituttar) kan bli nye verkemiddel i jordskifte. Justisdepartementet kan ikkje sjå at det er nødvendig eller tenleg å flytte reglane frå servituttlova til jordskiftelova, slik arbeidsgruppa foreslår. Reglane utgjer ein viktig del av det privatrettslege tilhøvet mellom grunneigaren og servitutthavaren, og høyrer naturleg heime i servituttlova. Justisdepartementet støttar forslaget til arbeidsgruppa om å lage eit eige kapittel om skjønn i jordskiftelova. Dette er ei god lovteknisk løysing sjølv om det er reglar om jordskifteretten og skjønn i andre lovar. Når det gjeld spørsmålet om å gjere kompetansen jordskifteretten har eksklusiv etter fleire av særlovene (servituttlova, veglova med vidare) uttaler Justisdepartementet:

«Justisdepartementet er generelt skeptisk til å utvide kompetansen til særdomstoler, særleg hvis de alminnelige domstolenes kompetanse skal reduseres tilsvarende. Utvidelse bør i så fall være begrunnet i at særdomstolen har en spesiell kompetanse som gjør den vesentlig bedre egnet enn de alminnelige domstolene til å avgjøre tvisten. I den grad jordskifteretten har en særlig kompetanse på området bør imidlertid kompetansen trolig tillegges jordskifteretten. I sær gjør dette seg gjeldende hvor det etter de gjeldende regler eksisterer en dobbeltkompetanse mellom jordskifteretten og de alminnelige domstoler. Utover de tilfeller hvor jordskifteretten innehar en særskilt kompetanse på området, bør jordskifterettens skjønnskompetanse begrenses til skjønn i forbindelse med jordskifte. Justisdepartementet peker også på at når skjønnsprosessloven skal revideres vil også jordskifterettens skjønnskompetanse måtte vurderes. Men vi kan ikke se at dette hindrer at en allerede nå kan fremme forslag om utvidelser av jordskifterettens skjønnskompetanse der hvor dette nettopp er begrunnet i rettens særlige kompetanse på området og eventuelt for å unngå en uønsket dobbeltkompetanse. Generelt sett støtter vi derfor arbeidsgruppens forslag om utvidelser i jordskifterettens skjønnskompetanse, men ber om at de rettingslinjer som er antydnet her hensyntas i det videre lovarbeidet.»

*Miljøverndepartementet* er oppteken av tilhøvet mellom jordskifteretten og verksemda i forvaltninga. Miljøverndepartementet understrekar at jordskifteretten og partane i ei jordskiftesak må følgje arealplanvedtak og løyver frå forvaltninga. Tilhøvet mellom forvaltning og jordskifte endrast ikkje prinsipielt i høve til gjeldande jordskiftelov.

Miljøverndepartementet meiner lovforslaget likevel inneber ei markert utviding av det saklege og geografiske verkeområdet for jordskiftelova. Implikasjonane og sum-verknaden av dette er ikkje like grundig drøfta og framstilt på alle punkter. Miljøverndepartementet uttaler:

« Det bør derfor i arbeidet med en ev proposisjon, og i presentasjonen av en ev ny lov, legges vekt på å klargjøre grenseflaten mellom jordskifterettens virksomhet og forvaltningens virksomhet, og hvordan jordskifteavgjørelser (primært/der ikke annet framgår) gjelder forhold og får virkning mellom private parter. En slik klargjøring bør også få fram hvordan jordskifteretten er bundet av gjeldende rettsregler og vedtak, og hvilken kompetansefordeling dette innebærer. Det vil bidra til bedre informasjon om når jordskifteretten eller parter i en ev skiftesak må henvende seg til forvaltningsorgan for å få vedtak som bidrar til løsnings av spørsmål eller forhold i, eller av betydning for, skiftesaken. Blant annet bør det være tydelig hvordan plan- og bygningslovgivningen på flere punkter gir et system for tilsvarende regulering og gjennomføring av eiendomsendringer, opparbeidelse av tiltak, refusjon mv. Det bør kunne sies noe om når jordskifteloven bør brukes i stedet for plan- og bygningsloven eller omvendt, og det bør ev sies noe om kumulativ bruk av de to lovene. Vi viser her til noen spørsmål, som er omtalt i kap. 4.1 i «Veileder om jordskiftevirkemidler i byer, tettsteder og hytteområder», som bør vurderes nærmere med sikte på videre klargjøring.»

*Domstoladministrasjonen (DA)* viser til at spørsmål om avskipping og omskipping av servituttar kan behandlast etter både servituttlova og jordskiftelova. Høgsterett har slått fast at det vil kunne vere ulike vurderingstema, avhengig av om saka går etter jordskiftelova eller servituttlova. DA peikar på at dette er uheldig. DA ser det som ei klar forbetring om jordskiftedomstolane får sterkare verkemiddel til å handtere servituttar og bruksrettar. Dette er eit område der jordskiftedomstolane har ein særlig kompetanse både i høve til dei alminnelige domstolane og i høve til lensmennene som behandlar spørsmål knytt til omskipping og avskipping av rett. DA sluttar seg derfor til forslaget frå arbeidsgruppa som gjeld behandling av servituttar. Skulle det likevel bli aktuelt å ha reglane om omskipping og avskipping av servituttar i servituttlova, ber DA om at kompetansen til å ta stilling til disse spørsmåla, blir lagt til jordskifteretten.

*Dommerforeningen* meiner at jordskifteretten ikkje utan vidare skal få ein generell skjønnskompetanse innanfor dei urbane områda fordi om retten har fått seg tilført jordskiftefaglege oppgaver innanfor slike områder. Dommerforeningen uttaler:

«Skjønn innen for byer og tettbygde strøk reiser erfaringsmessig kompliserte problemstillinger både av prosessuell og erstatningsrettslig karakter. Forslaget berører også spørsmålet om jordskifterettens kapasitet til å påta seg stadig nye oppgaver utenfor domstolens kjernevirksomhet. Saksbehandlingstiden i jordskifteretten ligger på et helt annet nivå enn i de alminnelige domstoler. Det arbeides derfor med langsiktige planer for å redusere restansene og bringe saksbehandlingstiden gradvis nedover. Dersom jordskifterettens saksfelt skal utvides ytterligere, må det derfor begrunnes i et sterkt behov for å etablere et alternativ til tingrettens skjønnskompetanse. Dommerforeningen kan ikke se at dette behov er til stede. Spørsmålet er heller ikke problematisert i høyringsnotatet. Jordskifterettens kompetanse innenfor urbane områder bør derfor begrenses til avtaleskjønn som inngår som del av et jordskifte, jf. utkastet § 5-1 første punktum.»

Dommerforeningen hadde likevel ikkje ingen spesielle merknader til utvidinga av jordskifteretten sin skjønnskompetanse i særlovgevinga.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* støttar forslaget om at reglane om avskipping og omskipping av servituttar skal bli eit verkemiddel på line med dei andre verkemidla som jordskifteretten har. Dagens situasjon med eit tospora system for avløyning og endringar av servituttar må ta slutt slik arbeidsgruppa foreslår. Konsekvensen må bli at reglane blir innarbeidd i den nye jordskiftelova.

*Jordskifteoverrettane* ser det òg som ei klar forbetring at jordskiftedomstolane får enda sterkare verkemiddel til å handtere servituttar og bruksrettar. Dette er eit område der jordskiftedomstolane har spesialkompetanse, og kan gjere stor nytte for seg.

*Fylkesmannen i Hedmark* meiner det er viktig å føre vidare reglar som kan bidra til å sikre gode og tenlege eigar og rettshøve innanfor landbruket. Fylkesmannen uttaler:

«Jordskifteloven har spilt og vil kunne spille en sentral rolle som redskap for å kunne få bedre drifts- og bruksforhold i landbruket. I Hedmark har jordskifte ofte vært benyttet i forbindelse

med kjøp og salg av eiendommer i Jordfondet for å sikre best mulig resultat for landbruket når det gjelder drifts- og arronderingmessige forhold for de involverte landbrukseiendommene. Videre har det i noe utstrekning blitt satt vilkår om å kreve jordskifte i forbindelse med behandlingen av konsesjonssaker.»

*Norske Reindriftsamers Landsforbund (NRL)* viser til forslaget til arbeidsgruppa om å føre vidare gjeldande ordning, der jordskifteretten ikkje har kompetanse til å regulere tilhøva mellom dei som driver reindrift i det samiske reindriftsområdet. NRL uttaler:

«Norske reindriftsamers landsforbund (NRL) beklager at arbeidsgruppa som har forberedt ny jordskiftelov ikke har fremmet forslag til lovendring som kan bidra til at en jordskiftedomstol med kompetanse i reindriftsspørsmål kan bidra til å løse de interne beiterettsprobleme i reindriftsnæringen. Disse er i dag store, og det må raskt stilles til disposisjon virkemidler for at problemene kan løses. Jordskifterettene kan, under de rette forutsetninger, være et slikt virkemiddel.»

#### 5.2.4 Uttalar om behovet for endringar i terminologi og omgrep

*Justisdepartementet* sluttar seg til forslaget om ein paragraf med definisjonar, men er i tvil om det trengst så mange som i høyringsforslaget. Justisdepartementet understrekar at definisjonar berre bør takast inn dersom det er eit særleg behov for å klargjere omgrep som nyttast i lova. Ein treng ikkje definere eit omgrep berre fordi det er eit fagleg omgrep som er vanleg i bruk.

*Domstoladministrasjonen* meiner det er gjort ei rekke forbetringar i høyringsforslaget når det gjeld terminologien:

«DA vil innledningsvis peke på at det i lovutkastet er gjort en rekke forbedringer i forhold til dagens lov. Spesielt vil vi peke på at vesentlige deler av terminologien er gjort generell, og at den ikke ensidig er rettet mot landbrukseiendommer. Dette er en nødvendig endring i og med at loven gjelder for hele landet og for alle typer eiendommer.»

DA meiner likevel at omgrepsbruken knytt til rettar i kap. 3 er litt upresis. Slik lovutkastet er utforma inneber det rom for tvil og tolking. Dette

vil kunne føre til unødvendig mykje prosess. Det same gjeld omgrepsbruken knytt til verdsetjing.

*Jordskiftedommarane i Gulating* meiner språkb Bruken treng ein gjennomgang. Dei peikar mellom anna på at ord som bruksrett, tyngsler, negativ servitutt, servitutt, rett med vidare går litt om kvarandre.

*Jordskifteoverrettane* meiner òg det er gjort ei rekke forbetringar i høve til gjeldande lov. Dei peikar på at terminologien er gjort generell, og ikkje berre er retta mot landbrukseigedommar.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner det er behov for ein gjennomgang av språket i lovforslaget. Konsekvent språkbruk er viktig for unngå mistydingar.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner omgrepet «grensesak» er eit hensiktsmessig omgrep for denne typen saker.

### 5.2.5 Uttalar om behovet for endringar i rettsmiddelordninga

Forslaget om å slå jordskifterettane og lagmannsrettane saman til ein ankeinstans for saker frå jordskifterettane får brei støtte i høyringa. Berre ein av dei høyringsinstansane som har uttalt seg om spørsmålet, går i mot.

*Justisdepartementet* uttaler at ein ikkje har prinsipielle innvendingar mot at lagmannsretten blir ankeinstans for alle avgjerder som jordskifterettane tek, og at jordskifteoverrettane dermed kan avviklast og inkorporerast i lagmannsrettane.

*Domstoladministrasjonen* sluttar seg til forslaget om å inkorporere jordskifteoverrettane i lagmannsrettane under føresetnad av at lagmannsrettane får jordskiftefagleg kompetanse, at det blir tilført auka ressursar til lagmannsrettane i samband med ny lov, og at lagmannsretten ved anke over avgjerdene i jordskifteretten, blir sett med og leia av ein jordskiftelagdommar. DA uttaler:

«Hovedbegrunnelsen for DA sitt standpunkt, er hensynet til brukerne. Arbeidsgruppas forslag innebærer at partene slipper å forholde seg til to ankeinstanser, og at man unngår å anke til feil instans. Det er videre grunn til å tro at man gjennom forslaget vil få en mer kostnadseffektiv og rasjonell ankebehandling enn ved dagens ordning. For å sikre kvaliteten i de avgjørelsene som skal tas, bør man tilrettelegge for prosesser der man utnytter den nye fagkunnskapen som vil bli tilført lagmannsrettene. DA foreslår derfor at jordskiftelagdommerne gis kompetanse til å delta i behandlingen av alle ankesaker om grenser og tinglige

rettigheter i fast eiendom, enten de er behandlet i jordskifteretten eller i tingretten i første instans. DA foreslår videre at jordskiftelagdommeren også må benyttes ved overskjønn uavhengig om saken kommer fra jordskifterett eller tingrett.»

*Agder lagmannsrett* meiner at ei samanslåing av jordskifteoverretten og lagmannsretten er den beste løysinga. Agder lagmannsrett uttaler:

«En felles rettsmiddelinstans vil være en vesentlig forenkling for brukerne av jordskifteretten og en klar forbedring i forhold til dagens ordning, hvor valget av rettsmiddelinstans under tiden kan by på tvil. Disse usikkerhetsmomentene ville riktignok kunne reduseres sterkt ved mer presist og omhyggelig utformete regler om formene for rettens avgjørelser som koblingspunkt mellom behandlingsreglene i førsteinstans og reglene om rettsmidler. Lovutkastets § 6-19 er et godt bidrag. Lagmannsretten, forsterket med dommere med jordskiftefaglig kompetanse, vil være en robust rettsmiddelinstans, som med den fleksibilitet det er lagt opp til i reglene om rettens sammensetning og saksbehandlingsreglene for øvrig, vil kunne sikre en faglig god og rettssikker overprøving av alle avgjørelser av jordskifterettene.»

*Jordskifteoverrettane* sluttar òg opp om forslaget om at lagmannsretten skal bli ankeinstans for alle avgjerder tekne av jordskifterettane. Jordskifteoverrettane seier det er ein føresetnad frå deira side at lagmannsrettane blir tilført jordskiftekompetanse i tråd med forslaget, og at ein derfor kan sjå på den nye rettsmiddelinstansen som ein «fusjon» mellom lagmannsrett og jordskifteoverrett. Jordskifteoverrettane uttaler:

«Vi ser det som den mest realistiske løysninga. Vidare blir dette den beste løysninga for partane og det gir grunnlag for ei god og fagleg forsvarleg handsaming av anke over jordskifteretten sin ulike avgjerder. Vi trur at både den noverande lagmannsrett med juridiske dommarar og jordskifteoverrett med jordskiftkandidatar som dommarar, vil ha gjensidig nytte av den kompetanseutvidinga ein slik fusjonert domstol vil få. Vi meiner dette kan bli sett på som ein kvalitetsreform. Dette byggjer på ein kar føresetnad frå vår side om at jordskiftelagdommeren blir ein del av lagmannsretten, og blir brukt både ved anke over jordskifteavgjerd og

ved anke over tvistar frå jordskifterettane. Det at jordskiftelagdommaren blir ein integrert og naturleg del av dommarkorpset i lagmannsretten er ein viktig faktor for at denne reforma skal bli vellukka. Her er det viktig at det blir stilt ressursar til disposisjon slik at det blir tid til å delta i kollegialt arbeid i lagmannsretten i samband med tvistebehandling. Vi vil vidare peike på at det er viktig at lovarbeidet og opnar for at jordskiftelagdommaren kan delta ved behandling av ankesaker og overskjønn frå tingrettane, innanfor fagfeltet «fast eigedom».

*Dommerforeningen* meiner forslaget vil innebere ei klar forenkling for brukarane. Samtidig blir lagmannsretten tilført verdifull kompetanse. *Dommerforeningen* uttaler:

«Forslaget legger opp til en fleksibilitet når det gjelder bruken av denne ressurs ved dommersammensetningen også utenfor de tradisjonelle jordskiftesaker. Dette er en positiv sideeffekt av omleggingen som samtidig bidrar til å lette integreringsprosessen i ankedomstolen.»

Alle dei jordskifterettane som har uttalt seg, støttar forslaget frå arbeidsgruppa. *Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner det er nokre absolutte vilkår for reforma:

«Ved å legge overrettene inn i lagmannsretten tilføres lagmannsretten jordskiftefaglig kompetanse. Når det gjelder anke over jordskifteavgjerd, skjønn og kombinerte saker, må lagmannsretten settes med jordskiftelagdommer. At førstelagmannen skal stå fritt til å bestemme at retten i slike saker kan settes uten jordskiftelagdommer er ikke akseptabelt. Partenes rettsikkerhet er truet om det ikke er tilstede jordskiftefaglig kompetanse ved ankebehandlingen av slike saker. Jordskiftelagdommerens kompetanse bør også benyttes i tingsrettslige og ekspropriasjonsrettslige saker. Vi forutsetter at hver enkelt lagmannsrett bemannes med minste en jordskiftelagdommer, en utreder og en saksbehandler. Vi er bekymret for rekrutteringen til stillingene. Dette vil bli en utfordring.»

*Sør Trøndelag jordskifterett, Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme, Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* støttar forslaget, men har nokre merknader til dei konkrete reglane.

*Jordskifterettene i Hålogaland* meiner høyringsforslaget bøter på det som er den største innvendinga mot den gjeldande ordninga – det tospora ankesystemet. Lovforslaget gjer at partane ikkje treng å velje ankeinstans. Dette sikrar rettstryggleiken. Forslaget inneber òg ein meir effektiv og rimelegare saksbehandling, samtidig som det blir mogleg å påanke jordskiftedelen i dei kombinerte sakene. Jordskifterettene i Hålogaland framhever òg kompetansen som viktig, og uttaler:

«Selv om selve rettsmiddelordningen er viktig er det også særdeles viktig å sikre at ankeinstansen innehar og benytter den jordskiftefaglige kompetansen. Det er avgjørende for å kunne få en faglig forsvarlig behandling av ankesakene. Dette må sikres både gjennom loven og ved at det avsettes tilstrekkelige ressurser. Ankedomstolen må organiseres på en måte som gir en hensiktsmessig utnyttelse av kompetansen samtidig som det skal være attraktive arbeidsplasser som det er mulig å rekruttere til. Vi foreslår at det ved hver lagmannsrett tilsettes minimum en jordskiftelagdommer, en utreder og en saksbehandler. Jordskiftelagdommerne må lønsmessig likestilles med lagdommerne. For å sikre tilstrekkelig fleksibilitet må lagmannsretten kunne benytte en tilkalt dommer fra jordskifteretten. Dersom det ikke fastsettes lovmessig at anke på jordskifteavgjørelsene skal overprøves av en jordskiftelagdommer, vil vi tilrå at dagens jordskifteoverrett opprettholdes i henhold til lovforslaget. Endringene av prosessreglene gjør at vi kan leve med alternativ 2 i forslaget der jordskifteoverretten opprettholdes som ankeinstans.»

*Jordskiftedommarane i Gulating* er òg samde i at det blir lagt opp til ei forenkla ankeordning. Dei er likevel ikkje samde i den samansetjinga lagmannsretten får i høyringsforslaget, og framhever behovet for kompetanse. Dei uttaler:

«Vilkåret må vere at ankedomstolen vert styrka med jordskiftekompetanse. Ved anke over jordskifteavgjerd, rettsfastsetjing og ved krav om overskjønn skal retten bli sett med ein jordskiftelagdommar. Me ser det som positivt at utkastet legg opp til at jordskiftelagdommaren òg kan nyttast i andre saker der jordskiftekompetansen er nyttig, til dømes grensetvistar som i 1. instans har vore handsama i tingretten. Med dei endringane vi har foreslått her, meiner vi at den nye rettsmiddelordninga vil



fungere betre enn ordninga med ei to-spora rettsmiddelordning som i dag. Vårt forslag bygger også på at utvalet for jordskiftemeddommarar og skjønsmenn vert slege saman til eit utval. Ei slik samanslåing vil forenkle systemet og føre til færre feil ved samansetjing av retten i saker som inneheld både jordskifte og skjøn.»

*Jernbaneverket* framhever òg behovet for forenkling:

«Etter vårt syn er rettsmiddelordningen en av de viktigste foreslåtte endringene. Forslaget har tatt flere skritt i riktig retning, men bærer likevel preg av å ikke være tilstrekkelig modnet. Videre: Det er utvilsomt at gjeldene rettsmiddelordning har forenklingsbehov. En kan stille spørsmål ved om rettsikkerheten er godt nok ivaretatt i de tilfeller partene har forsøkt å anvende rettsmiddel, men ved feil instans.»

*Statens vegvesen* ser det som ei forbetring at alle sider ved avgjerdene i jordskifteretten skal kunne overprøvast:

«Når det gjelder tiltaksjordskifte, som er de eneste saker etter jordskifteloven som jevnlig involverer Statens vegvesen, vil ankeordningen som foreslås innebære at alle sider ved jordskifterettens avgjørelse vil kunne overprøves. I forhold til nåværende ordning, der kun avgjørelsen i skjønnsaken kan bli gjenstand for overprøving, ser Vegdirektoratet dette som en klar forbedring.»

*Fylkesmannen i Hordland* peikar på kompleksiteten i rettsmiddelordninga og vanskaner med å få ei fullgod løysing anten ein vel det eine eller andre av alternativa som er drøfta i høyringsframlegget. Fylkesmannen uttaler:

«Fylkesmannen legg likevel avgjerande vekt på at partane får ei overprøving av viktige rettsavgjerder også i jordskifteretten og at reglane for dette ikkje er så kompliserte at dei vert eit hinder for overprøving. På denne bakgrunn synest framlegget frå arbeidsgruppa om overføring av alle sakene til lagmannsretten å vere å føretrekkje.»

*Norges Bondelag* er tilfreds med forslaget om forenklingar i rettsmiddelordninga.

Bondelaget meiner at gjeldande reglar ikkje er klare og medfører ekstra kostnader når same sak blir delt mellom to ulike ankeinstansar. Norges

Bondelag støtter derfor forslaget om at anke over alle avgjerder frå jordskifteretten bør gå til lagmannsretten. Norges Bondelag støttar vidare forslaget om at lagmannsretten blir forsterka med ein jordskiftelagdommar der det er hensiktsmessig.

*Teknisk-naturvitenskapelig foreining* (Tekna) gir full støtte til forenkling av ankeordninga. Dagens to-spora ankeordning, med ein eigen jordskifteoverrett som ankeinstans for ein del av dei avgjerdene som blir tekne av jordskifteretten, mens andre avgjerder går til lagmannsrett, er både uoversiktleg og i mange tilfelle lite tenleg og prosessøkonomisk uheldig.

*NORSKOG* tek, som den einaste av høyringsinstansane, til orde for å oppretthalde jordskifteoverrettane som ankeinstans. *NORSKOG* uttaler:

«Jordskifteverket er lagt opp sånn at partene skal veiledes på en slik måte at de selv er i stand til å ta vare på sine interesser, uten pålagt bruk av advokater. Dersom jordskifteoverretten nå avvikes, vil behovet for advokatbistand påføre alle som anker jordskiftesaker inn for lagmannsretten store ekstra kostnader. I realiteten vil dette med stor sannsynlighet avskjære mange fra å søke en ankebehandling. *NORSKOG* mener at det er viktig å ikke svekke jordskifteretten ved å avvike jordskifteoverretten, og støtter derfor alternativ 2 til kapittel 8 om rettsmidler, hvor ordningen med jordskifteoverrett opprettholdes på omtrent samme måte som i dag.»

## 5.3 Departementets vurderingar

### 5.3.1 Behovet for endringar i systematikken i lova

Det har i mange år vore eit vanleg synspunkt at jordskiftelova av 1979 er moden for revisjon. Spørsmålet om behovet for ein brei gjennomgang av lova blei mellom anna teke opp i NOU 2002: 9 Jordskifterettens stilling og funksjoner. Hovudspørsmålet for utgreiinga var organiseringa av jordskifterettane, det vil seie om dei skulle vere domstolar eller ikkje. Konklusjonen til fleirtalet i utvalet, og resultatet i den seinare lovbehandlinga, var at jordskifterettane framleis skal vere domstolar. Utvalet foreslo ei rekkje lovendringar og drøfta òg spørsmålet om ein meir gjennomgripande revisjon av lova. Utvalet uttalte mellom anna i utgreiinga kapittel 9.2:

«Utvalget har flere steder pekt på behovet for endringer av enkeltbestemmelser i jordskifte-

loven. Det har vært gjennomført en rekke enkeltstående lovendringer etter 1979. Jordskifteloven er nå blitt så uoversiktlig at utvalget mener det må foretas en bred gjennomgang av loven.»

I Ot.prp. nr. 106 (2002–2003) Om lov om endringer i domstolloven og jordskifteloven (jordskifterettens stilling og funksjoner) kapittel 7.9 slutta departementet seg til merknadene til utvalet om endringsbehovet. Departementet la til grunn at arbeidet med å vurdere forslaga til endring mest hensiktsmessig kunne skje ved ein total gjennomgang av jordskiftelova.

På bakgrunn av dette sette Landbruks- og matdepartementet i 2006 ned ei arbeidsgruppe, med mandat å foreta ein brei gjennomgang av lova. Mandatet går fram av kapittel 2.2.1 ovanfor. I mandatet pkt. 1 heiter det mellom anna:

«Det utvalet som behandla jordskifterettane si stilling og funksjonane deira – NOU 2002: 9 – peika m.a. på at etter den siste store lovrevisjonen i 1979, er det gjennomført ei rekkje enkeltstående lovendringar slik at lova no er så uoversiktleg at det er nødvendig med ein brei gjennomgang, jf. òg landbruksministeren sin uttale i Stortinget i samband med behandlinga av Ot.prp. nr. 106 (2002–2003). Det ser og ut til å vere semje i fagmiljøa om ein slik gjennomgang.»

Departementet understrekar i mandatet at alle delar av lova skal vurderast. Det skulle skapast ei ny lov som høver med tida og tilhøva. Mandatet legg òg vekt på at den nye lova må få ein meir oversiktleg struktur og bli lettare tilgjengeleg både for profesjonelle aktørar og for folk flest. Dette tilseier òg ei klargjering av kva som er oppgåvene til jordskifteretten, og ei betre redigering av dei materielle reglane i den nye lova (det vil seie reglane om kva for verkemiddel jordskifteretten kan gjere bruk av).

Det er ei nokså samstemt oppfatning blant høyringsinstansane at gjeldande jordskiftelov bør reviderast, og at høyringsforslaget har ein god struktur og systematikk, og er eit godt utgangspunkt for eit lovforslag for Stortinget. Mange av instansane har likevel hatt innspel og synspunkt på ulike delar av høyringsforslaget, slik det går fram av proposisjonen her.

Systematikken og strukturen i lovforslaget byggjer i det alt vesentlege på høyringsforslaget frå arbeidsgruppa, men med nokre justeringar som følgje av høyringsuttalane. Departementet

meiner lovforslaget inneber ein systematikk som er vesentleg lettare tilgjengeleg enn gjeldande jordskiftelov. I lovforslaget er materielle og prosessuelle reglar gitt egne kapittel og ein har ikkje minst fått ei mykje enklare ankeordning. Det blir dermed klarare for alle kva jordskifteretten kan gjere, kva for vilkår som gjeld for at ei sak kan behandlast, korleis saksgangen er i jordskifterettane som første instans, og ikkje minst korleis ei anke skal behandlast i ankeinstansen. Departementet meiner derfor at ein gjennom det lovforslaget som er lagt fram, vil oppnå dei måla ein har satt seg for lovrevisjonsarbeidet.

Konkret er lova organisert slik at det er eit innleiande kapittel med reglar om formål, verkeområde definisjonar, kva det kan reisast sak om og så vidare (kapittel 1). Departementet ser på dette som ein god introduksjon til lova og kva ho gjeld. I kapittel 2 er det gitt reglar om organiseringa av jordskifteretten, og korleis retten skal setjast saman i den enkelte saka. Den som les lova, vil da raskt sjå kva for instans som behandlar saker etter den nye lova. Det er òg gitt egne kapittel for dei ulike sakstypene; jordskifte (kapittel 3), rettsutgreiing og grensefastsetjing (kapittel 4), og skjønn og andre avgjerder etter andre lover (kapittel 5). Det blir da lettare å skaffe seg oversikt over dei verkemidla jordskifteretten rår over, og kva som er vilkåra for å bruke dei i ei konkret sak. Reglane om saksbehandling er i det store og heile samla i eit eige kapittel (kapittel 6). På den måten blir det lettare å få oversikt over korleis prosessen går føre seg. Dernest følgjer reglar om fordelinga av sakskostnader (kapittel 7), om anke (kapittel 8) og eit avsluttande kapittel med «ymse reglar» som mellom anna omhandlar ikraftsetjing og endringar i andre lovar (kapittel 9).

Av lovtekniske «nyvinningar» kan nemnast at den nye jordskiftelova er gitt ei kapittelvis paragrafnummerering, og at fleire kapitel har fått underkapittel. Departementet meiner dette er med på å gjere den nye jordskiftelova vesentleg meir lesarvennleg enn gjeldande jordskiftelov.

### 5.3.2 Behovet for endringar i reglane om saksbehandling

Departementet er samd med arbeidsgruppa i at det er behov for endringar av sakebehandlingsreglane. Det er gjort mange enkeltstående endringar i gjeldande jordskiftelov over lang tid, og lova har blitt uoversiktleg og vanskeleg tilgjengeleg. Departementet meiner det er eit stort behov for meir oversiktlege og lettare tilgjengelege reglar. Det er mellom anna behov for å rydde opp i og

betre strukturen på reglane. Høyringsinstansane sluttar opp om dette synspunktet.

Hovudmålet for arbeidet med reglane om saksbehandling i ny jordskiftelov har vore den same som for utarbeidinga av tvistelova. Reglane om saksbehandling i jordskiftelova må oppfylle dei krav ein i dag må kunne stille til ein effektiv, rimeleg og samtidig trygg prosess for partane. Lova må passe med tida og tilhøva og møte dei behov eigarar, rettshavarar og samfunnet elles har for å få løyst konkrete problem og uklare faktiske og rettslege tilhøve knytt til fast eigedom. Likeins må lova leggje til rette for at tvistar blir løyst på ein tillitvekkande måte, ved at dei allminnelege prinsippa frå sivilprosessen gjeld; behandling der alle partar kjem til orde, uavhengige domstolar, lik tilgang til bruk av domstolane, rett til å anke sakene til ein høgare instans og så vidare.

For departementet har det vore særleg viktig å gjere lova meir oversiktleg og lettare tilgjengeleg for vanlege folk, som ofte opptrer som sjølvprosederande for jordskifteretten. Lova er redigert slik at det blir eit tydeleg skilje mellom prosessuelle reglar og materielle reglar, det vil seie mellom reglar om kva retten kan gjere og på kva vilkår, og reglar om korleis retten behandlar sakene og kva partane kan og må gjere undervegs i prosessen. I kvart kapittel er det òg lagt vekt å ordne reglane på ein logisk måte. Desse grepa meiner departementet vil gjere det mykje lettare, særleg for dei sjølvprosederande partane, å skaffe seg oversikt og innsikt i reglane. Omsynet til dei sjølvprosederande er i det heile tillagt stor vekt under arbeidet, ikkje minst med reglane om saksbehandling.

Den lovtekniske løysinga i gjeldande jordskiftelov, som i det store og heile er bygd opp omkring reglane om jordskifte, skaper uvisse med omsyn til kva for reglar om saksbehandling for jordskifte som gjeld «tilsvarande så langt dei høver» for grensefastsetjing og rettsutgreiing. Når ein skil ut dei reglane om saksbehandling som er felles, og plasserer dei i eit eige kapittel, bør det bli enklare å orientere seg om saksbehandlinga for jordskifteretten. Departementet meiner at dette vil ha klare fordelar for saksavviklinga og for rettstryggleiken for partane.

### 5.3.3 Behovet for endringar i materielle reglar (kompetansen jordskifteretten har)

Departementet legg til grunn at dei verkemidla jordskifterettane rår over i dag i det alt vesentlege bør førast vidare. Departementet foreslår fleire endringar i høve til gjeldande jordskiftelov.

Endringsforslaga vil likevel ikkje føre til grunnleggjande endringar i kva jordskifteretten skal drive med i framtida. I stort er lovforslaget i samsvar med høyringsforslaget.

Forslaga vil heller ikkje gi nokon vesentleg annan «sum-verknad», enn det som er tilfelle etter gjeldande jordskiftelov, slik Miljøverndepartementet reiser spørsmål om. Det blir fremja forslag om nye verkemiddel, og departementet foreslår nokre fjerna, men i sum blir det ikkje noko vesentleg endring av verksemda i jordskifterettane.

#### 5.3.3.1 Behovet for endringar – Jordskifte

Departementet foreslår at reglane om kva jordskifteretten kan gjere i eit jordskifte, i hovudsak skal førast vidare. Innhaldet i kva retten kan gjere i eit jordskifte, er over meir enn 150 år stegvis tilpassa til tida og tilhøva.

Etter gjeldande jordskiftelov § 2 kan eit jordskifte gå ut på å:

- løyse opp sameigetilstand når grunn og rettar ligg i sameige mellom bruk
- forme ut eigedommar på nytt ved å byte om grunn og rettar
- gi reglar om bruk i fire nærare spesifiserte, men vidfemnande tilfelle
- avløyse konkret opprekna bruksrettar
- skipe konkret omtalte sams tiltak
- forme ut og dele eigedommar når grunn og rettar skal avhendast i samsvar med formålet i jordlova
- dele ein eigedom med tilhørande rettar etter eit bestemt verdiforhold
- fordele arealverdiar og fordele kostnader ved ulike sams tiltak i og for område for bygging og anlegg etter § 1-7 nr. 1 og § 12-5 nr. 1 i plan- og bygningslova og
- omforme eigedommar og rettar på grunnlag av utenlege eigedomstilhøve som følgje av godkjent reguleringsplan etter plan- og bygningslova i område som gjeld eksisterande og nytt område for bygging og anlegg.

I eit jordskifte gjer jordskifteretten bruk av minst eitt av desse verkemidla. Det er vanleg at retten bruker fleire enn eitt verkemiddel. Under eit jordskifte kan retten òg gi reglar for eller avløyse rettar som er til hinder for eit tenleg jordskifte. Dette gjeld tidsavgrensa og personlege rettar som ikkje kan danne grunnlag for eit sjølvstendig jordskifte.

Alle verkemidla så nær som «jordlovsjordskifte» etter § 2 bokstav f, blir ført vidare. Felles for dei verkemidla som blir ført vidare, er at det kjem inn ein etter måten jamn strøm av krav om

saker som må føre til bruk av verkemidla. Departementet meiner det må vere rett å oppretthalde tilbodet om bruk av verkemiddel som bøter på eigedomstilhøve som er utenlege etter tid og tilhøve innafor dei vilkår som gjeld for verkemiddelbruken. Bruk av verkemidla fører til netto nytte for partane. Betre bruk av eigedommane er òg eit samfunnsmessig gode.

Departementet foreslår å innføre eitt nytt verkemiddel, og å utvide bruken av eitt verkemiddel til å omfatte ei ny form for bruksrett. Det nye verkemiddelet er å kunne skipe nytt sameige. Dette er aktuelt for sams privat infrastruktur som veg, parkeringsplass, vassforsyning, kloakkleidningar og liknande. Departementet meiner det er eit gode at alle som er avhengige av slik infrastruktur kan ha same type rett til det. Alternativet er at nokon eig infrastrukturen og andre har bruksrett til han. Da kan det oppstå tvil om kva eigedomsrett og bruksrett betyr for drift og vedlikehald.

Grunnlaget for å halde «jordlovsjordskifte» er borte etter endring i jordlova med tilhørande avvikling av Jordfondet. Staten har ikkje lenger særskilt avsette middel for å overta landbruks-eigedom som skal seljast vidare til eigarar av landbrukseigedom med behov for tilleggsjord.

Departementet foreslår òg å oppheve heimlane om utflytting av hus ved jordskifte. Heimlane blei brukte for å løyse opp utenlege og brannfarlege klyngetun. Det finnst få slike klyngetun i dag, og praksis frå jordskifterettane viser at heimlane ikkje lenger er aktuelle å bruke. Det er brei tilslutning i høyringa for å oppheve heimlane.

Departementet foreslår at kapitlet om minneleg jordskifte ikkje skal først vidare i ny jordskiftelov. Minneleg jordskifte er lite brukt. Etter gjeldande jordskiftelov kan jordskifteretten gi attest for at ei avtale om minneleg jordskifte fyller krava til eit offentleg jordskifte. Departementet meiner at arbeidet med ei «nødvendig gransking» av avtalen om minneleg jordskifte ofte kan vere like arbeidskrevjande for jordskifteretten som å halde eit jordskifte med jordskiftedommaren som einedommar. I slike saker er partane i utgangspunktet så samde om jordskifteløysing at retten til vanleg snøgt vil avgjere saka. Departementet viser òg til at det er få partar som har nødvendig kompetanse på heile breidda av nødvendig kompetanse frå jus til landmåling.

Når det gjeld høyringsfråsegna frå Norske Reindriftssamers Landsforbund, om den kompetansen jordskifteretten bør ha i høve til interne beiterettsproblem i reindrifta, viser departementet til kapittel 2.3 og 8.6.

### 5.3.3.2 Behovet for endringar – Grensefastsetjing

Gjeldande jordskiftelov og matrikkellova er ikkje harmonisert. Matrikkellova gjeld for dei mest vanlege formene for skiping av ny eigedom med tilhørande grenser. I ei sak om grensefastsetjing fastlegg jordskifteretten eksisterande grenser. Når begge lovene gjeld grenser, bør ein harmonisere føresegnene så langt det ikkje er gode grunnar til noko anna. Departementet meiner ein vil få betre harmoniserte reglar om ein knyt kompetansen jordskifteretten har til å halde grensefastsetjing til typane av fast eigedom i matrikkellova. Denne harmoniseringa fører til at arbeidsgruppa foreslår å utvide kompetansen når det gjeld grensesak. Nytt er at jordskifteretten kan halde grensesak for anleggseigedom og for uteareal som inngår i eigarseksjonar.

Jordskifterett og lokal matrikkelstyresmakt har ikkje same moglegheit til såkalla grensejustering. Departementet meiner dei bør ha same moglegheit til dette. Ei harmonisering i høve til matrikkellova vil gi enklare reglar.

Dersom jordskifteretten ikkje får utvida sin lovpositive heimel til å halde grensesak, vil tvist om grenser bli avgjort av tingretten. Jordskifteretten har minst like god kompetanse på grenser som dei som skipar slike nye grenser med heimel i matrikkellova. Saker om grenser hamnar nesten alltid i jordskifteretten når valet står mellom denne og tingretten. Departementet meiner det er eit behov for å endre reglane slik at det ikkje kan vere tvil om at partane òg på desse nye områda kan velje jordskifteretten for å få fastsett ei eksisterande grense.

Gjeldande jordskiftelov § 89 inneheld to vilkår for å kunne avgrense eller avvise grensegangssak. Departementet meiner at begge vilkåra harmonerer dårleg med prinsippet om at partane har hand om kva ein sak for ein domstol skal omfatte. Det er òg ein fordel om jordskifteretten kan sleppe å vurdere om det er så stort behov for eit jordskifte som fører til endring i grenser, at vilkåret er oppfylt. Grenselengdegebyret siktar dessutan mot same mål som det andre vilkåret. Departementet meiner at desse momenta tilseier at vilkåra bør takast ut av lova.

Det kan vere gjerde der minst ein av partane meiner at ei eksisterande grense går. Dersom avgjerda i grensesaka blir at grensa går ein annan stad enn gjerdet, kan det oppstå eit behov for å tilpasse gjerdet til grensa. Da er det prosessøkonomisk og praktisk at jordskifteretten kan ta avgjerd om gjerdehald i grensesaka. Departementet meiner det er behov for reglar som gjer det mogleg

for jordskifteretten å kunne behandle slike gjerdespørsmål. Jordskifteretten bør kunne gjere det når minst ein av partane krev at jordskifteretten tar seg av gjerdespørsmålet.

Gjeldande jordskiftelov § 89 a gjeld særlege grensesaker i Nordland og Troms. Heimelen er avgrensa til saker som gjeld rettskraftige dommar frå utmarkskommisjonen for Nordland og Troms. Paragrafen tar for seg både materielle og prosessuelle sider ved slike saker. For Finnmark er det ein ny heimel med same innhald som ein finn i finnmarkslova § 45. I Nordland og Troms går arbeidet mot slutten, men det står fortsett noko arbeid att for jordskifteretten. Departementet meiner likevel det ikkje er behov for å ha reglar om særlege grensesaker i Nordland og Troms i den nye jordskiftelova. Departementet nøyer seg med å foreslå nokre endringar i finnmarkslova § 45.

### 5.3.3.3 Behovet for endringar – Rettsutgreiing

Departementet meiner ein bør føre vidare ordninga med rettsutgreiing da erfaring viser at det er behov for desse reglane.

I gjeldande jordskiftelov er reglane om rettsutgreiing plasserte i § 88 a. Tilvisingane i gjeldande jordskiftelov § 88 a andre ledd inneber at ein òg finn reglar i gjeldande jordskiftelov § 88 andre, fjerde og femte ledd og § 89 andre ledd. Departementet meiner dette ikkje gir ein god systematikk. Departementet foreslår ein paragraf om rettsutgreiing i kapittel 4, men etter forslaget skal den ikkje seie meir enn kva jordskifteretten kan gjere.

Heimelen for rettsutgreiing ber i nokon grad preg av at den i starten var knytt til jordskiftedelen av jordskiftelova. Vilkåret om «*rasjonell bruk av området*», er eit eksempel på dette. Departementet meiner at vilkåret bør takast bort. Det må vere nok at dei som har eigedomsinteresse i eit område, treng å få ei avklaring av eigedomstilhøva.

Etter jordskiftelova er det nå berre grunneigar som tvillaust kan krevje rettsutgreiing. Departementet meiner at denne forskjellen harmonerer dårleg med allminnelege krav til like vilkår for å kunne få løyst eit felles problem i ein domstol. Departementet meiner det er grunnlag for å ha reglar som likestiller grunneigar og den som meiner å ha bruksrett, når det gjeld å kunne krevje sak om rettsutgreiing.

Departementet meiner det er behov for ein heimel til å avgjere korleis eigedoms- og servituttilhøva er i område der det er sambruk mellom uteareal som inngår i eigarseksjon. Dette er retts-

spørsmål av same art som det som elles ligg til jordskifteretten å ta avgjerd om i sak om rettsutgreiing. Departementet meiner jordskifteretten bør ha slik kompetanse, og fremjer derfor forslag om dette. På vanleg måte vil da partane kunne velje mellom jordskifterett og tingrett i dei tilfella det er tvist.

### 5.3.3.4 Behovet for endringar – Skjønn

Jordskifteretten har kompetanse til å halde skjønn i ulike samanhenger. Det er likevel ikkje så lett å skaffe seg oversikt over for eksempel jordskifteretten sin kompetanse til å halde skjønn etter gjeldande jordskiftelov og andre lover, kva reglar om saksbehandling skjønna skal behandlast etter, og korleis den som vil angripe skjønn skal gå fram.

Gjeldande reglar om skjønn har ikkje ein oversiktleg struktur og er ikkje tilgjengeleg på eit vis som samsvarar med krava til ei moderne lov. Omgrepet skjønn blir dessutan brukt om vurderingar av svært ulik karakter. Reglane om skjønn og jordskifte kan vere vanskelege å setje seg inn i for så vel profesjonelle aktørar, som folk flest. Typisk òg for saker om skjønn for jordskifterett, er at det for dei sakene er relativt mange sjølvprosederande partar. Det inneber at reglane bør vere så enkle og oversiktlege som mogleg.

Kompetansen til å halde skjønn er i fleire tilfelle òg lagt til andre enn jordskifteretten. Det at jordskifteretten deler kompetansen med tingrett og såkalla «lensmannsskjønn», bidrar til at erfaring og kunnskap om dei ulike sakstypene blir delt på ulike aktørar. Ved å samle erfaring og kunnskap ein stad, vil truleg behandlinga av sakene kunne bli betre enn den er i dag.

Det er òg eksempel på at det er reglar om kompetanse og reglar om saksbehandling i same paragraf. Departementet meiner det blir lettare å finne fram i den nye jordskiftelova dersom ein skil mellom desse reglane. Reglane om saksbehandling for skjønna jordskifteretten held, går dessutan fram av fleire lover, jordskiftelova, skjønnsprosesslova og særlov.

Det er òg slik at kompetansen jordskifteretten har i nokre tilfelle er stadleg avgrensa, ei avgrensing som ikkje gir klare grenser for kompetansen jordskifteretten har. Departementet ser eit behov for å ta bort denne avgrensinga.

I gjeldande jordskiftelov § 6 andre ledd finst òg ei anna avgrensing av kompetansen jordskifteretten har til å halde skjønn. Dersom offentleg styresmakt ikkje sjølv legg til grunn at det skal ystast erstatning for råderettsavgrensinga, kan jordskifteretten berre halde skjønnet i dei tilfella erstat-

ningsspørsmålet er rettskraftig avgjort av dei ordinære domstolane. Departementet meiner ein kan få ei meir effektiv ordning om ein og same domstol avgjer erstatningsspørsmålet og skjønnen. Jordskifteretten har på grunn av sine nye oppgåver stadig fått betre erfaring og kunnskap. Det inneber at ein kan ta bort dette vilkåret, noko som gir eit enklare regelverk.

#### 5.3.4 Behovet for endringar i terminologi og omgrep

Konsekvent og bevisst bruk av omgrep vil gjere lova lettare å forstå. Særleg gjeld dette for omgrep knytt til saksbehandling og avgjerder som er spesielle for saker etter jordskiftelova. Departementet meiner, på same måten som arbeidsgruppa, at det er behov for å innføre enkelte nye omgrep, og å definere nokre av dei i lova. Definisjonane er tekne inn i lovforslaget § 1-3. Innhaldet i enkelte andre omgrep som er nye, vil gå fram av samanhengen i lova.

##### 5.3.4.1 Jordskifteområdet

Omgrepet «jordskifteområdet» er definert i lovforslaget § 1-3. Det kjem i staden for omgrepet «skiftefeltet» i gjeldande jordskiftelov. Departementet meiner at «skiftefeltet» kan gi noko sterkare assosiasjonar til areal og tradisjonelle jordskifte, som byte av grunn eller oppløysing av sameige, enn det som er ønskeleg. Sjølv om jordskifte alltid er knytt til visse faste eigedommar, kan saka for eksempel vere avgrensa til nye reglar for jakt eller for vedlikehald av ein privat veg. I slike saker er merksemda vel så sterkt knytt til innhaldet i reglane som til avgrensinga av området. Departementet har vore på leiting etter eit ord som på ein god måte kan representere både det geografiske området saka gjeld, og det materielle innhaldet i dei endringane jordskiftet fører med seg for eigedommane og rettane i dette området. Under noko tvil har departementet kome til at jordskifteområdet er betre enn skiftefeltet fordi skiftefeltet er ei kortform som fokuserer meir på skifte, enn på mangfaldet som er meint å liggje i jordskifte.

##### 5.3.4.2 Jordskifteavgjerd

«Jordskifteavgjerd» er namnet på den avgjerdsforma retten skal bruke når han tek ulike typar avgjerder i jordskiftesakene, sjå lovforslaget § 6-23 fjerde ledd. Dette er ei ny avgjerdsform, som understrekar at det er snakk om avgjerder retten tek som del av jordskifteprosessen. Jordskifteav-

gjerd er for eksempel forma for avgjerd om korleis jordskiftesaka skal avgrensast sakleg og geografisk, verdsetjinga av det som skal gi byte ved jordskifte, den endelege jordskifteløysinga med meir. Departementet ser det ikkje som nødvendig med ein legaldefinisjon av dette omgrepet fordi det går klart nok fram av § 6-23 kva slags avgjerder det er snakk om. Departementet meiner at skjønn og andre avgjerder etter andre lover retten tek i samband med jordskifte, og som derfor skal følge reglane om saksbehandling i jordskiftelova, òg bør ha forma jordskifteavgjerd. Skiljet mellom dei ulike formene er òg viktig som grunnlag for rettsmiddelordninga, sjå nærare om dette i kapittel 14.

##### 5.3.4.3 Jordskifteløysing

Omgrepet «jordskifteløysing» erstattar ordet «skifteplan» i gjeldande jordskiftelov. Jordskifteløysinga er det faktiske og praktiske resultatet av jordskifteretten sitt arbeid med å bøte på dei utenlege eigedomstilhøva i saka. Departementet meiner at ordet «skifteplan» ikkje er godt. Dels meiner departementet at skifteplan ikkje dekkjer det å gi nye reglar eller å skipe lag med vedtekter på ein god måte. Dels meiner departementet at skifteplan kan knyttast til deling av bu ved eit arveskifte. Departementet meiner at «løysing» er nøytralt i høve til kva for verkemiddel i jordskifte som er aktuelt. Departementet meiner at bruk av «jordskifte» førebyggjer mistydingar i retning av arveskifte. Alt i alt meiner departementet at «jordskifteløysing» er eit godt ord for det som kjem ut av ei jordskiftesak.

##### 5.3.4.4 Grensefastsetjing

I gjeldande reglar brukast både omgrepet «grensegang» og «grensegangssaker». Grensegang kallast det når jordskifteretten klarlegg, merkjer og beskriv grenser for mellom anna grunneigedom, anleggseigedom, uteareal til eigarseksjon og jordsameige, grenser for alltidvarande bruksrett eller grenser for offentleg regulering av eigarrådvelde. Omgrepet grensegangssaker er eit samleomgrep for sakene som gjeld grensegang.

Departementet foreslår å erstatte omgrepet grensegang med «grensefastsetjing». Departementet meiner det er meir dekkjande for kva slags reglar det handlar om. Det er ikkje dekkjande å ha fokus på det reint fysiske – det at ein går opp grensa. Det sentrale er at ein med bindande verknad tek stilling til eit grensespørsmål.

#### 5.3.4.5 *Skjønn og andre avgjerder etter andre lover*

Omgrepet «skjønn» blir brukt i nokre tilfelle for å få fram kva som er skjønnsstema. Omgrepet blir brukt om vurderingar der lover seier lite eller ingen ting om kva ein skal trekkje inn i vurderinga, eller korleis ein skal leggje vekt på dei ulike omsyna. Omgrepet blir òg brukt for å få fram at avgjerda skal gå etter den særlege rettargangsmåten som er regulert i skjønnsprosesslova. Omgrepet skjønn blir dessutan brukt for å få fram at det er ein skjønnsrett som skal avgjere eit spørsmål.

Nokre avgjerder som er kalla skjønn i dag, er av ein karakter som ikkje gjer det naturleg å omtale sjølve vurderinga som skjønn i tradisjonell mening. Eitt eksempel på det finn ein i reindriftslova § 63. I tredje ledd står det at «Spørsmål om tiltak kommer i strid med første ledd, kan avgjøres på forhånd ved skjønn ved jordskifteretten. Skjønnet kan også...»

I departementets forslag, blir berre omgrepet skjønn brukt som karakteristikk av ei avgjerd, når det handlar om avgjerder til fastsetjing av pengebeløp.

For å få fram at jordskifteretten i tillegg til det ein kallar skjønn, òg skal kunne ta andre avgjerder som i dag blir kalla skjønn, opererer ein i lovforslaget med omgrepet «skjønn og andre avgjerder». Dei fleste avgjerdene jordskifteretten skal kunne ta etter særlovene er «andre avgjerder».

Jordskifteretten kan behandle skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med eit jordskifte, eller som sak utan samband med jordskifte. Skilnaden er viktig mellom anna for kva reglar om saksbehandling saka skal behandlast etter. Lovforslaget bruker to uttrykksmåtar for å markere skilnaden. Det er «skjønn og andre avgjerder i samband med sak for jordskifterett», og «skjønn og andre avgjerder etter andre lover som eiga sak».

Ulike uttrykksmåtar er i dag brukte for å få fram at avgjerda skal takast av ein skjønnsrett og etter reglane om saksbehandling i skjønnsprosesslova. Departementet foreslår endringar i omgrepsbruken i dei tilfelle ein foreslår at jordskifteretten skal ha eksplisitt kompetanse. Ein foreslår endringar som gjer det lett å sjå at jordskifteretten skal ta dei aktuelle avgjerdene etter grannegjerdelova, beitelova, veglova kapittel VII, servitutlova og nokre føresegner i reindriftslova.

Oppryddinga er ikkje ei fullgod og endeleg rydding når det gjeld bruken av omgrepet skjønn. Ei ytterlegare rydding kan for eksempel gjerast i

samband med ein eventuell revisjon av skjønnsprosesslova.

#### 5.3.4.6 *Omgrepsbruk i andre lover*

I lov av 22. april 1927 nr. 3 om vergemål for umyndige § 50 andre ledd nr. 4 og 5, er brukt omgrepa «utskifting» og «grenseregulering», om tiltak som ei verje må ha løyve frå fylkesmannen for å kunne setje i verk på vegne av den umyndige. I vergemålslova av 26. mars 2010 nr. 9 § 39 bokstave, er det òg brukt omgrepa «utskifting» og «grenseregulering». Departementet foreslår at 2010-lova, som skal erstatte 1927-lova, får formuleringa «å kreve sak etter jordskiftelova,» i § 39 bokstave. Departementet meiner det ikkje skulle vere grunnlag for skilje mellom ulike sakstypar etter jordskiftelova, i høve til det som skal trenge løyve frå fylkesmannen.

### 5.3.5 **Behovet for endringar i rettsmiddelordninga**

Formålet med rettsmiddelordninga er å ta vare på rettstryggleiken for partane. Rettsmiddelordninga bør vere enkel slik at partar og andre kan få oversikt over kvar ein anke skal gå, det bør vere mogleg å få prøvd avgjerder som har nemnande å seie for resultatet i saka, og avgjerda i ankeinstansen skal byggje på kvalitet. Dette er tilhøve som er sentrale for tilliten til rettssystemet. Behandlinga i ankeinstansen bør ut over dette stå i eit rimeleg høve til det saka gjeld. Departementet meiner at rettsmiddelordninga i jordskiftelova kan betrast på fleire av desse områda. Departementet vil ut over dette peike på at det er vanskeleg, men nødvendig å skilje mellom argument som er knytt til brukarane sine behov for ei tenleg ankeløysing, og meir organisatoriske problem som òg bør løysast på ein god måte.

Ut frå behova brukarane har, meiner departementet at det er behov for å forenkle reglane om rettsmiddel. Reglane i gjeldande lov byggjer på at det kan ankast anten til jordskifteoverretten eller til lagmannsretten. Denne ordninga har i praksis vist seg å vere komplisert. I ein del saker er det vanskeleg å forstå kven som er rett adressat for ein anke. For å unngå rettstap blir det i slike høve ofte anka til både jordskifteoverretten og lagmannsretten i same sak, i nokre høve òg over den same avgjerda. Det er behov for ei enklare rettsmiddelordning der risikoen for rettstap, og ressursbruken knytt til bruk av rettsmiddel blir redusert. Departementet meiner at dette kan gjerast ved å fastsetje reglar med så få «spor» som mog-

leg – i alle fall slik at det ikkje er partane sjølve, men domstolen som må avgjere korleis ankesaka skal behandlast. Forslaget til løysing går fram av kapittel 14.1.

Brukarane av lova vil òg vere tent med ei forenkling der det blir rydda i prosessreglane som gjeld for behandlinga i ankeinstansen. Reglane bør liggje nærare opp til ordinære prosessreglar i sivile saker. Reglane kan da bli meir brukarvennlige i høve til tidsbruk, kostnader og organisering.

I tiltaks- og vernejordskifte som blir gjennomført saman med skjønn, er det etter gjeldande lov ikkje mogleg å få ei prøving av jordskiftedelen av saka. Jordskiftedelen kan i mange slike saker vere svært viktig for partane. Omsynet til rettstryggleiken for partane taler for ei endring av gjeldande reglar slik at det blir mogleg å anke òg over denne delen av avgjerda.

I kompliserte saker talar omsynet til partane for å tryggje kvaliteten i avgjerda betre enn i dag. Gjeldande løysing byggjer på at avgjerder blir tekne av to ulike rettsmiddelinstansar med ulik fagkompetanse. Departementet meiner at kvaliteten, særleg i kompliserte saker, kan styrkast dersom både jordskiftefagleg kompetanse og juridisk kompetanse avgjer saker i eit samarbeid. Lova bør leggje til rette for ei slik organisatorisk løysing.

Sakstilfanget for jordskifteoverretten er lågt. Det er få tilsette i jordskifteoverrettane, og avgjerdene blir tekne i domstolar med små fagmiljø og få tilsette. Departementet meiner at dette gjer jordskifteoverretten som ankeinstans sårbar. Dette kan vere uheldig for brukarane fordi ein risikerer at ein eller fleire jordskifteoverrettar tidvis kan vere ute av funksjon. Det er òg behov for eit styrka fagmiljø som kan bidra til god kvalitet på avgjerdene.

Den løysinga som departementet foreslår i kapittel 14.1, er at dei eksisterande jordskifteoverrettane blir fusjonert inn i lagmannsretten. Jordskifteoverdommarane blir jordskiftelagdomma-

rar, og samansetjinga av lagmannsretten i den enkelte saka frå jordskifterettane kan variere alt etter kva for avgjerd som er teken av jordskifteretten i første instans, sjå lovforslaget § 8-7. Løysinga er brukarvennleg og kan redusere tidsbruk og kostnader i høve til dagens organisering. Prøvinga vil finne stad i eit sterkare fagmiljø, samstundes som reglane sikrar at jordskiftekompetansen kan trekkjast inn. Dette er særleg viktig i behandlinga av anke over rettsendrande avgjerder (jordskifte). Løysinga i Sverige viser at det i praksis er mykje å hente på å skipe ein domstol med eit breiare kompetansegrunnlag, jf. høyringsnotatet vedlegg 4, der arbeidsgruppa gjer greie for den svenske ordninga.

Løysinga får brei støtte under høyringa, òg frå jordskifterettane og jordskifteoverrettane. Mange høyringsinstansar understrekar kor viktig det er for rettstryggleiken til partane.

Departementet er elles samd med arbeidsgruppa i at det ikkje er nødvendig med endringar i organiseringa av domstolane, ut over dei endringane som følgjer av forslaget om endringar i rettsmiddelordninga. Organiseringa av jordskifterettane blei behandla for relativt kort tid sidan, sjå NOU 2002:9 Jordskifterettens stilling og funksjoner, og Ot.prp. nr. 106 (2002–2003) Om lov om endringer i domstolloven og jordskifteloven (jordskifterettens stilling og funksjoner).

### 5.3.6 Andre endringar

Den nye lova medfører òg behov for endringar av meir teknisk karakter i ei rekkje lovar. Dette gjeld mellom anna føresegnar som viser til gjeldande jordskiftelov eller som bruker omgrep som blir endra eller tekne bort i den nye lova. Eksempel på dette er omgrepa «jordskifteoverretten» og «jordskifteoverdommer» som er brukt fleire stader i domstollova. Departementet gjer greie for endringane i kapittel 17 Spesialmerknader til lovforslaget.



## 6 Endringar som gjeld namnet på lova, formålet, verkeområdet, definisjonar, saksinnhald og sakstilknytning

### 6.1 Bør lova få nytt namn

#### 6.1.1 Høyringsforslaget

Gjeldande jordskiftelov heiter *Lov om jordskifte o.a. (jordskifteloven)*. Arbeidsgruppa meiner namnet peikar i retning av at lova først og fremst er ei lov om tradisjonelt jordskifte. Alle dei andre sakene som jordskifteretten kan behandle, som grensefastsetjing, rettsutgreiing og skjønn, finn ein bak omgrepet «o.a.». Arbeidsgruppa meiner namnet på lova må bli relativt langt om det på fullgod måte skal dekkje alle sakstypene lova gjeld for. Arbeidsgruppa foreslår at lova framleis skal heite *Lov om jordskifte (jordskiftelova)*- utan tillegget «o.a.». Jordskiftelova er òg det vanleg brukte namnet i dagleg tale.

#### 6.1.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* uttaler:

«Det har i lang tid vært drøftet om tiden er inne for å endre navnet på jordskifteretten. Etter vårt syn er tida moden for en navneendring, og det er naturlig å gjøre dette når ny lov lanseres. Noen av oss mener landretten er et godt alternativ til nytt navn.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* meiner at omgrepa «fast eigedom» og «rettar» bør inn i namnet på lova.

*Statens kartverk* har synspunkt på bruken av omgrepet «jordskifte». Kartverket meiner dette omgrepet kan verke snevert i høve til det lova faktisk gjeld i dag. Eit forslag som kan vurderast er «landdeling» i staden for jordskifte. Jordskifteretten kan da bli «landretten» og jordskiftedommarane bli «landdommarar».

#### 6.1.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner namnet på den nye lova bør vere kort, og samstundes svare til det som er vanleg brukt i dagleg tale. Forslaget til arbeidsgruppa er slik sett eit godt forslag, men det har likevel den ulempa at det ikkje er dekkjande for alle dei sakstypene jordskifteretten behandlar. Namnet på gjeldande jordskiftelov er i så måte noko meir dekkjande, ved at ein i det minste har tatt med «o.a.». Ein ser da at lova gjeld meir enn berre jordskifte. Departementet meiner at namnet på den nye lova bør vere «Lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova)». Namnet er ikkje for langt, men seier likevel mykje om kva lova handlar om. Dei to hovudelementa i jordskifteretten si verksemd er med; nemleg rettsfastsetjing og rettsendring. Dessutan er omgrepa «fast eigedom» tatt inn slik jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme foreslår. Tillegget «m.m.» er tatt med for vise at lova omhandlar meir enn fastsetjing og endring (det vil seie skjønn og andre avgjerder etter andre lover, reglar om sakbehandling og reglar om sakskostnader og så vidare). Departementet meiner jordskifteomgrepet òg må vere med, og foreslår at dette skal takast inn i det offisielle kortnamnet til lova – «jordskiftelova». Dette vil gjere at folk lettare finn fram til lova.

Departementet har vurdert forslaga til Statens kartverk og jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme. Departementet meiner det ikkje vil vere rett å fjerne omgrepa «jordskifte» og «jordskifteretten» frå lova, og erstatte dei med for eksempel «landdeling» og «landretten». Om ein gjer dette, vil det kunne skape unødig usikkerheit om kva den nye lova eigentleg gjeld. Jordskifteomgrepet er så godt innarbeidd, at det å fjerne det heilt, neppe vil bidra til å gjere verkemidla i jordskifte lettare tilgjengelege for eigarar og andre som vil gjere eigedommane og rettane sine meir tenlege. Eit omgrep som «landdeling» vil dessutan

ikkje vere dekkjande i høve til det omgrepet «jordskifte» omfattar i dag.

## 6.2 Formålet med lova

### 6.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at jordskiftelova får ein formålsparagraf, som klarlegg innhald, sentrale mål og tolkingsprinsipp. Formålsparagrafen speglar at jordskiftelova både er ei prosesslov og ei lov med materielle føresegner for løysing av konkrete problem knytt til utnyttinga av fast eigedom. I høve til den prosessuelle delen av jordskiftelova, er formålsparagrafen i tvistelova det naturlege utgangspunktet. Det er likevel nødvendig å gjere justeringar i høve til denne. Jordskifteretten er ein særdomstol med avgrensa oppgåver, og det er ikkje nødvendig at det er tvist mellom partane for å få reist ei sak. Formålet gjer synleg det privatøkonomiske målet for verksemda.

### 6.2.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* uttaler at dei støttar forslaget om ein formålsparagraf i jordskiftelova, men meiner første ledd i høyringsforslaget til § 1-1 bør formulerast klarare, for eksempel slik:

«Lova skal medverke til tenlege eigedommar og klare forhold omkring eigedommar og rettar knytt til fast eigedom.»

*Justisdepartementet* uttaler òg:

«Vi mener for øvrig at utkastets første ledd annet punktum følger implisitt av første punktum og ikke behøver å fremheves i et eget punktum. I lovutkastet § 1-1 annet ledd annet punktum er proporsjonalitetsprinsippet knesatt, jf. tvl. § 1-1 annet ledd fjerde strekpunkt. Vi er enig i at proporsjonalitetsprinsippet bør være gjennomgående for saksbehandlingen ved jordskifteretten. Dette gjelder ikke minst når det etter lovutkastet ikke legges opp til noen småkravsprosess i slike saker. Vi savner imidlertid en begrunnelse for at kun dette grunnprinsippet inntas direkte i formålsbestemmelsen. Vi foreslår at lovutkastet § 1-1 tilføyes ett nytt tredje ledd – identisk med tvl. § 1-1 annet ledd.»

*Miljøverndepartementet* meiner det i jordskiftelova § 1-1, formålsparagrafen bør tilføyast «mellom pri-

vate parter» etter «forhold» og «eigeforhold» foran «grenser».

*Domstolsadministrasjonen* meiner formålsparagrafen ikkje er godt nok gjennomarbeidd, og har fått ei uklar formulering:

«Dette kapitlet i lovutkastet har fått en moderne form, hvor man søker å gjøre loven mer tilgjengelig gjennom å definere formål, virkeområde og sentrale begreper som en innledning til resten av loven. I formålsbestemmelsen innføres nye begrep som skal avløse de gamle og godt innarbeidede formuleringer, så som «tenleg etter tid og tilhøva». DA støtter selve oppbygning av kapitlet, men er av den oppfatning at verken formål eller sentrale begreper kan sies å være godt nok gjennomarbeidet i lovforslaget. Formålet med loven fremstår som uklart.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner òg at formålsparagrafen i høyringsforslaget er uklar, i den forstand at den ikkje gir noko fullgodt bilde av kva som er formålet med jordskiftelova.

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* uttaler:

«Etter vårt syn bør en formålsparagraf være kort og konsis. Ordet «mellom anna» kan utgå. Videre mener vi at siste setning i bestemmelsen kan utgå. Formuleringen i setningen foran hvor det står «forsvarleg, rask og effektiv» er etter vårt syn dekkende.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* uttaler:

«§ 1-1 første punktum: «mellom anna» må strykes. Siste punktum: «Saksbehandling og kostnader skal stå i rimeleg forhold til innhaldet i saka» Formuleringen harmoniserer dårlig med det som behandles som rettsendrende saker etter jordskifteloven. Formuleringen bør strykes. Andre grunnleggende prinsipper kommer i kapittel 6.»

*Advokatforeningen* har ikkje innvendingar mot formålet i lova eller verkeområdet, men meiner jordskiftelova § 1-1 første ledd bør formulerast slik:

«Saker etter lova skal mellom anna føre til meir tenlege og klarare forhold når det gjeld rettar til og i eigedommar.»

*Advokatforeningen* meiner dette markerer den tosidige arbeidsmåten til jordskifterettane med omsyn til rettsutgreiing og jordskifte.

*Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler:

«Første ledd (i § 1-1) skal angi hensikten med jordskiftevirkemidler og annet som kan gjøres ved bruk av jordskifteloven. En formålsparagraf må være mer presis enn forslaget. Bare uttrykket «mellom anna» gir inntrykk av uklarhet i og med at formålet blir noe udefinerbart. Språklig holder leddet ikke mål. Andre avsnitt er delkopi av tvistelovens formålsparagraf. Tvisteloven er en rein prosesslov og formålsbestemmelsene der er hensiktsmessige slik de er utforma. Jordskifteloven er i hovedsak en lov om jordskiftevirkemidler med noen nødvendige særregler innenfor prosessen. Noen stor vekt på prosess i formålsparagrafen skulle det derfor ikke være behov for. Tvisteloven gjøres gjeldende for jordskifteloven (i forslaget) og dermed skulle gjentakelse av de gode formåla i tvisteloven være unødvendige. Det er dessuten ikke fullt ut samsvar mellom de to formålsparagrafene – noe som skaper en unødvendig uklarhet i hva som «skal gjelde». Bestemmelsen om at saksbehandlingen og kostnadene skal stå i rimelig forhold til innholdet i saka, kan gi inntrykk av at jordskifte har særregler som tilsier et eget skarpere regime i forhold til høge kostnader. Det som er faktum er at virkemidlene er færre enn de som de ordinære domstolene har. Det vises her til at småkravprosessen ikke er gjort direkte gjeldende bortsett fra henvisningen i jordskifteloven (forslaget) § 7-13, siste ledd.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* uttaler:

«Vi sluttar oss til at lova kan ha ein formålsparagraf, men foreslår stryking av «mellom anna». En formålsparagraf må være kort og klar.»

Det same meiner *jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme*, som òg vil ta ut siste setninga i paragrafforslaget.

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* uttaler:

«Jordskiftelova bør ha ein formålsparagraf. Formåla og prinsippa for jordskifteprosessen bør i utgangspunktet vere dei same som etter tvisteloven. Det må likevel bli gjort særskilde tilpassingar som følgje av at jordskifteretten

har avgrensa oppgåver, og at det ikkje er ein føresetnad for ei sak at det er tvist mellom partane. Utkast til formålsparagraf er for lite tydeleg, stryk «mellom anna» i 1. ledd 1.punktum. Heile 2. ledd, kan kanskje og strykast, innhaldet her er dekkja opp i § 6-1.»

*Jernbaneverket* uttaler:

«Vi mener ordlyden i § 1-1 med fordel bør strammes opp. Vi foreslår følgende formulering: «Løysing av saker etter lova skal mellom anna føre til meir tenlege og klarare forhold for eigedommar og rettar.»»

*Norges Bondelag* uttaler:

«Det legges til grunn at de prinsipper som er nedfelt i tvistemålsloven § 1-1, i sin helhet gjelder for jordskifteretten. Slik utkastet til jordskiftelov (heretter benevnt «lovutkastet») er utformet, kan det være uklart hva som er ment. Det foreslås på den bakgrunn at lovutkastet § 1-1 annet ledd første punktum gis følgende innhold og ordlyd: Tvistelova § 1-1 gjeld for tvisteløysing og sakshandsaming etter denne lova. Forholdsmessighet mellom kostnader og saksbehandling, jf. lovutkastets § 1-1 annet ledd annet punktum, gir en viktig presisering. En sak for jordskifteretten er i dag ofte mer kostnadskrevenne enn tilsvarende sak for de alminnelige domstoler. Dette skyldes i stor grad flere rettsmøter, blant annet vedrørende spørsmålet om saken skal fremmes. Selv om dette nå foreslås endret, er det viktig å holde antallet rettsmøter så lavt som mulig.»

*Norges jordskifte kandidatforening* meiner formålsparagrafen må vere meir tydeleg enn i høyringsforslaget:

«Formuleringen «mellom anna» i § 1-1 1. ledd gjør formålsparagrafen ... utydelig. I 2. setning blir det brukt begrepet «entydige grenser», som vi mener er uheldig all den tid det i prinsippet er avtalefrihet for grensene også etter at Jordskifteretten har avsagt dom eller gjort vedtak.. NJKF etterlyser en grundigere drøfting om dette.» (at eiendommer som er vanskelige å nytte ut på en tjenlig måte etter tid og tilhøve kan legges under jordskifte)...»mener det er uheldig å fjerne bestemmelsen om minnelig jordskifte.»

### 6.2.3 Departementets vurderingar

Gjeldande jordskiftelov har ikkje ein formell formålsparagraf. Gjeldande jordskiftelov § 1 kan likevel seiast å gi uttrykk for hovudsiktemålet med lova, nemleg det at eigedommar det er vanskeleg å nytte på ein god måte etter tida og tilhøva, kan leggjast under jordskifte og gjerast meir tenlege for eigarane og brukarane. Departementet foreslår at den nye jordskiftelova får ein eigen formålsparagraf, sjå lovforslaget § 1-1. Dette har klar støtte frå høyringsinstansane.

Etter 150 år med jordskifteverksemd er verkemidla i jordskiftelova basert på solid erfaring og tilpassing til behova. Sjølv om det ikkje går direkte fram av lova i dag, byggjer verkemidla på varige behov for å skape klare eigedomstilhøve og rasjonelt utforma eigedommar og rettar knytt til fast eigedom. Ei rekkje verkemiddel tek sikte på å vere reiskap for eigarar og brukarar av eigedom for å oppnå dette. Behovet for jordskifte, rettsutgreiing og grensefastsetjing har samanheng med at Noreg tidlegare har hatt eit dårleg utvikla matrikkelsystem for fast eigedom. Dette er særleg framtreidande i rurale stork. Ei avgjerd etter jordskiftelova om grense, rettshøve eller andre tilhøve der resultatet er kartfesta og er fastsett med same verknad som dom, har i praksis ført til betre tryggleik ved omsetjinga av eigedommar.

Samfunnsbehova er til ein viss grad omtalt i Ot.prp. nr. 106 (2002–2003) kapittel 3.2, «Jordskiftevirksomheten i et historisk perspektiv», i samband med omtalen av utviklinga av jordskiftelova frå dei tidlegaste formene for jordskiftereglar i 1274 og fram til gjeldande lov. Behova har hatt innverknad på kva for oppgåver jordskifterettane har fått, kva for rettsverknad avgjerder i jordskifterettane har, og for det valet som er gjort når jordskifterettane i dag er organiserte som ein særdomstol. Behova gjer at formålet med jordskiftelova òg har nær samanheng med dei prinsippa som gjeld for dei ordinære domstolane, serleg gjeld dette prinsippa i tvistelova.

Formålet bør spegle at lova både er ei prosesslov og ei lov med materielle reglar for løysing av konkrete problem knytt til fast eigedom. Dette vil kunne tydeleggjere innhald, sentrale mål og tolkingsprinsipp. Departementet legg samstundes til grunn at formålsparagrafen bør gjerast meir presis og meir dekkjande enn det han er i høyringsforslaget. Uttrykksmåtar som «mellom anna» bør takast ut. Mange av høyringsinstansane meiner òg at høyringsforslaget er uklart, og på ein betre måte må beskrive den verksemda jordskifterettane driv. Departementet har forsøkt å kome

desse synspunkta i møte, ved å ta inn ei meir beskrivande formulering i formålsparagrafen.

Formålet bør synleggjere dei ulike sakstypane jordskifterettane behandlar, og den betringa av privatøkonomiske nytte som er målet for verksemda. Den samfunnsøkonomiske nytten av jordskifteordninga følgjer anten meir indirekte, ved at det som er bra for eigarane, òg i sum er bra for samfunnet, eller av at offentlege styresmakter sjølv kan krevje sak for jordskifteretten for å få gjennomført tiltak.

Formålsparagrafen bør fokusere både på det rettsendrande og det rettsfastsetjande elementet i verksemda. Dette er hovudoppgåvene for jordskifterettane. Formålet bør òg gjere synleg at sakene blir behandla av ein domstol. Omgrepet «utenleg» bør òg trekkjast inn i ein formålsparagraf. Dette har vore eit nøkkelord i jordskifte i alle år, og bør fortsetje å vere det.

Departementet meiner at formålsparagrafen bør vere opplysende om dei grunnleggjande prinsippa som gjeld for saksbehandlinga. Tvistelova slår fast det som er formålet med, og grunnleggjande prinsipp for rettslege prosessar. Sjølv om jordskifteretten er ein særdomstol, bør formåla og prinsippa for jordskifteprosessen i utgangspunktet vere dei same som etter tvistelova. Departementet har likevel ikkje skrive prinsippa i tvistelova direkte inn i jordskiftelova, slik Justisdepartementet er inne på. Ein måtte i tilfelle skrive dei om for å få ein ordlyd som passar til verksemda i jordskifterettane fordi det kunne ført til mistydingar. Departementet meiner at formålsparagrafen i lovforslaget er dekkjande for det som bør vere formålet for verksemda i jordskifterettane.

## 6.3 Verkeområdet til lova

### 6.3.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa viser til gjeldande lov § 1 a. Der står det at lova gjeld for «alle eigedomar» dersom ikkje anna følgjer av lova sjølve eller av andre lover. Om det ikkje er uttrykkeleg sagt, er det meininga at lova skal gjelde for alle faste eigedommar. Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare føresegna i høyringsforslaget § 1-2. For at det ikkje skal vere tvil, foreslår arbeidsgruppa at det skal stå uttrykkeleg i § 1-2 at lova «gjeld for fast eigedom».

### 6.3.2 Høyringsinstansane

Justisdepartementet viser til at gjeldande jordskiftelov ikkje gjeld for Svalbard, og at det heller ikkje

er foreslått nokon heimel til å gjere den nye lova gjeldande der. Justisdepartementet uttaler:

«Det er mulig at det ikke er noe behov for det, men vi registrerer at forholdet til matrikkelloven er omtalt og behandlet flere steder i høyringsnotatet. Matrikkelen er innført på Svalbard, og etter hvert skal også større deler av den loven gjøres gjeldende der. Vi stiller derfor spørsmål om det er behov for å vurdere forholdet til jordskifteloven også på Svalbard. I så fall kan det være hensiktsmessig å ta inn en heimel for Kongen til å gi forskrifter om lovens anvendelse på Svalbard og til å fastsette særlege regler under hensyn til de stedlige forhold.»

*Miljøverndepartementet* meiner § 1-2 bør presiserast slik at lova primært skal gjelde privatrettslege tilhøve mellom private partar.

*Domstoladministrasjonen* uttaler om forslaget til § 1-2 om verkeområdet:

«Det er positivt at en egen bestemmelse om virkeområder tas inn i ny lov. DA mener imidlertid at man bør vurdere å føye til «herunder vassdrag og sjø». Ved en slik tilføyelse kan § 3-27 strykes.»

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* uttaler:

«Det er bra at det kommer en presisering av virkeområdet til jordskiftedomstolene, og at begrensingene til LNF-området er fjernet. Dette gjelder både for domstolen selv, men også for publikum og brukerne. Etter vårt syn er det naturleg at det allerede her tas med at loven også gjelder i vann, vassdrag og sjø. Dersom det her tas med at loven også gjelder i sjøområder, kan § 3-27 utgå.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* uttaler:

«Ordlyd i § 3-27 bør inn i særmerknad til § 1-2, herunder dette med saltvann i særmerknad til § 3-37 og rettigheter ut over privat eiendomsrett i sjø, for eksempel tilflott og rett til utfylling.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* meiner arbeidsgruppa foreslår ein god og uttømmende regel om verkeområdet for lova.

### 6.3.3 Departementets vurderingar

Reglane om den nye lova sitt verkeområde omfattar det saklege og geografiske verkeområdet, og tilhøvet til folkeretten. Lovforslaget § 1-2 tek sikte på å regulere spørsmålet om geografisk verkeområde, medan § 1-4 tek sikte på å regulere det saklege verkeområdet for lova, sjå kapittel 6.5 nedanfor. Heilt skarpt er dette skiljet ikkje i jordskiftelova, i det ein godt kan seie at avgrensinga av verkeområdet til fast eigedom og rettar over fast eigedom òg inneber ei sakleg avgrensing av lova og arbeidsområdet til jordskifterettane. Det geografiske avgrensingselementet i § 1-2, er at lova gjeld for faste eigedommar og rettar over fast eigedom i heile landet, utan omsyn til kor eigedommane ligg (på landsbygda eller i byane), kva for planstatus som gjeld (om eigedommane for eksempel ligg i det som etter plan- og bygningslova er eit LNFR-område, eller i eit område for bygging og anlegg og så vidare). Denne avgrensinga av verkeområdet førar vidare den avgrensinga som blei innført med gjeldande jordskiftelov § 1 a.

Lovforslaget tek likevel høgde for at det kan følgje av andre lover at jordskiftelova heilt eller delvis ikkje skal gjelde for bestemte eigedoms-kategoriar. Kva for eigedommar det i tilfelle er snakk om, vil gå fram av vedkommande lov. Eksempel på slik lovregulering er lov 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenningar og lov 19. juni 1992 nr. 60 om skogsdrift m.v. i statsallmenningane. Lovene gir jordskiftelova avgrensa verknad, sjå bygdeallmenningslova § 1-4 og statsallmenningslova § 4-2. I lov 17. juni 2005 nr. 85 om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressurser i Finnmark fylke (finnmarksloven) er bestemt at saker som høyrer under utmarksdomstolen ikkje kan bringast inn for jordskifteretten eller dei allminnelege domstolane, med mindre utmarksdomstolen har avvist saka, eller søksmålsfristen er ute og så vidare.

Departementet meiner det kan vere hensiktsmessig at matrikkellova og jordskiftelova har same geografiske verkeområde når det gjeld vassdrag og sjø. Når vassdrag og sjø er nemnt i lovforslaget § 1-2 første ledd, er dette for å gi lova det same verkeområdet som matrikkellova, sjå denne lova § 2 der verkeområdet er omtalt slik: «Lova gjeld for heile landet. For sjøområda gjeld lova til ei nautisk mil utanfor grunnlinjene.» Innspela frå Domstoladministrasjonen og jordskifterettane i Hålogaland og Agder jordskiftedømme, om at lova skal gjelde for vassdrag og sjø er dermed tekne omsyn til.

Vassdraga går inn under lova sitt verkeområde på den måten at endringar i eigartilhøvet til grunnen gjennom jordskifte, får verknad òg for eigartilhøvet til vassdrag og grunnvatn. Eigartilhøvet til vassdrag og grunnvatn er regulert i vannressurslova §§ 13 og 44.

Nytt i høve til gjeldande jordskiftelov, er at det i § 1-2 andre ledd er teken inn ein heimel for Kongen til å gjere lova heilt eller delvis gjeldande for Svalbard. Dette er gjort etter forslag frå Justisdepartementet, som viser til at matrikkelen er innført på Svalbard. Etter kvart skal òg andre delar av matrikkellova gjerast gjeldande der. Departementet er samd med Justisdepartementet i at det da kan vere hensiktsmessig å ha ein heimel for Kongen til å gi forskrifter om at òg jordskiftelova skal gjelde. Heimelen bør gjere det mogleg for Kongen å gjere særlege tilpassingar etter tilhøva på staden.

Departementet foreslår at ein i forskriftsheimelen òg tek med Jan Mayen. Det er i og for seg ikkje nokon aktuell problemstilling i dag å gjere jordskiftelova gjeldande der, men Jan Mayen er teken med fordi matrikkellova dekkjer dette området, sjå matrikkellova § 2 andre ledd.

Når det gjeld innspelet frå Miljøverndepartementet, meiner departementet at det går klart nok fram av samanhengen mellom reglane i kapittel 1 og kapitla 3 til 5, at lova gjeld privatrettslege tilhøve knytt til faste eigedommar.

I § 1-2 tredje ledd er det teken inn ein regel om at lova skal gjelde med dei avgrensingane som følger av folkeretten eller av avtale med framand stat. Regelen har same innhald som tvistelova § 1-2. Tilhøvet til folkeretten er av meir perifer betydning i jordskiftelova, men departementet meiner det bør nemnast likevel.

## 6.4 Definisjonar

### 6.4.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa meiner det er behov for å definere viktige jordskiftefaglege omgrep i den nye jordskiftelova, samt visse omgrep som gjeld andre sakstypar. For dei som vil setje seg inn i lova, vil det vere eit gode at viktige omgrep blir definert i det første kapitlet i lova. Ein definisjonsparagraf legg betre til rette for at det òg i framtida kan vere mange sjølvprosederande partar i saker for jordskifterettane. Gjeldande jordskiftelov har ikkje slike definisjonar.

I høyringsforslaget brukar arbeidsgruppa konsekvent uttrykket «sak for jordskifterett» når ho meiner alle slag saker som kan gå for jordskifte-

rett. Med «jordskiftesak» meiner arbeidsgruppa berre dei rettsendrande sakene. Arbeidsgruppa meiner det ikkje er grunn til å ta inn «sak for jordskifterett» i definisjonsparagrafen fordi uttrykket er språkleg sjølvforklarande.

### 6.4.2 Høyringsinstansane

Justisdepartementet *uttaler*:

«Vi slutter oss generelt til at det inntas en innledende paragraf med definisjoner. Men vi stiller spørsmål ved om det er nødvendig med det antall definisjoner som lovutkastet legger opp til. En definisjon bør kun benyttes dersom det er et særskilt behov for å klargjøre begreper som benyttes i loven, og ikke fordi fagordet er vanlig brukt, sml. høyringsnotatet side 144. Begreper som kun benyttes ett sted i loven, bør heller defineres i tilknytning til reglene der. Våre innvendinger her retter seg især mot lovutkastet § 1-3 bokstav f til j. For øvrig bør de begrepene som defineres kursiveres. I bokstav a foreslår vi følgende presisering (se også merknaden til § 3-1): «...jordskifte: bruk av eit eller fleire av verkemidla i §§ (2-6 til 3-15), jf. § 3-1.» Formålsangivelsen i bestemmelsen («for å betre eigedoms- og rettsforholda») bør etter vår vurdering ikke være del av definisjonen, men bør heller innarbeides i lovutkastet § 3-1. Formuleringen «for betre eigedoms- og rettsforhold» gir for øvrig heller ikke en tilstrekkelig informativ og presis beskrivelse av når jordskifte etter kapittel 3 kan gjennomføres. Begrepet «semjedom» gir etter vår vurdering ikke et presist og dekkende uttrykk for de avgjørelser dette omfatter. Språklig sett henpeiler begrepet snarere på at det kreves enstemmighet, eventuelt at det er tale om en form for rettsforlik i domsform. Uansett kan vi ikke se at det er nødvendig å innta dette i § 1-3. Det bør i stedet reguleres direkte i lovutkastet § 4-4 fjerde ledd.»

*Domstoladministrasjonen* uttaler til definisjonsparagrafen:

«b) Grensesak: Slik det her er formulert kan det forstås bare som selvstendig sak. Man bør ta inn en formulering om at grensesak også kan være en del av jordskiftesak. Henvisning utelukkende til kap. 4 er således misvisende. C) Rettsutgreiing: Det samme gjelder forhold som nevnt ovenfor under grensesak gjør seg gjeldende også m.h.t rettsutgreiing. f) Jordskif-

teløysing: Forståelsen av begrepet «heilt eller delvis løysing» bør forklaras nærmere i særmerknadene til bestemmelsen, slik at det klart fremgår at jordskifteløysing innebærer at man løser det som er til behandling så langt det er mulig å løse dette. Dette innebærer at noen forhold kan forbli uløst. DA ber også departementet vurdere om det er heldig å bruke begrepet «problem» i bestemmelsen. Dette kan i seg selv oppfattes som et eget tolkningsmoment, og stimulere til prosess på grunn av vidt forskjellige oppfatninger av «problem». g) Jordskifteavgjerd: DA stiller spørsmålsteget ved om man i denne definisjonen har greid å favne alle avgjørelsestypene som kan være aktuelle i et jordskifte. Er for eksempel bonitering en type avgjørelse som burde vært tatt inn? Meningsinnholdet i formuleringen «undervegs i saka» er vanskelig tilgjengelig, og kan føre tankene mot midlertidige avgjørelser. Det vises for øvrig til våre merknader til denne bestemmelsen under pkt. 3.6. h) Semjedom: Semjedom er en avgjørelsesform som skal benyttes når eksisterende rettstilstand skal fastsettes og det ikke foreligger tvist om et spørsmål. Semjedom skal forbeholdes de tilfeller der partene har gitt sin uttrykkelige aksept, enten skriftlig eller muntlig, eller at det foreligger skriftlig korrespondanse fra retten som partene ikke har respondert på. Definisjonen i lovforslaget er derfor upresis og det er uheldig at man viser til § 6-19, tredje ledd hvor man har samme definisjon.»

*Jordskifteoverrettane* ser det som svært nyttig med ein paragraf som definerer sentrale jordskifteomgrep, og uttaler til høyringsforslaget § 1-3:

«Sentrale fasar av eit jordskifte er her definert, men for at denne oversikta skal bli komplett manglar definisjonen av omgrepet verdsetjing. Vi skulle og ynskje at omgrepa vernejordskifte og tiltaksjordskifte var meir utfyllande forklart. Språkbruken treng ein gjennomgang. Opplistingar i ulike paragrafar bør dessutan gjerast på einsarta måte. Ord som bruksrett, tyngsler, negativ servitutt, servitutt, rett mv. går litt om kvarandre og det kan sjå ut som om bruken kanskje ikkje er heilt gjennomtenkt og konsekvent – det bør ryddast opp. Me oppfattar tyngsler og rettar som vidare formuleringar enn servituttar. Mellom anna er det vanskeleg å definere «plikter» inn under servituttar. Dette må det arbeidast meir med og uttrykka bør kanskje og definerast i § 1-3. Arealverdiar er

nytta i lovteksten, men kva innhald det har går ikkje fram av korkje notatet eller lovteksten. Semjedom er innført som nytt omgrep, dette erstattar dagens rettsfastsetjande vedtak. For mange synest semjedom som eit brukande uttrykk, andre meiner dette blir ei sjølvmotseiing. Vårt framlegg til endring blir rettsfastsetjing. Mange av oss meiner dette er betre. Det seier noko om at rettane er slegne fast, det treng ikkje ha vore semje i forkant, men svært ofte har rettstilhøva vore usikre. Avgjerande er og at prosessen fram til ei rettsfastsetjing/semjedom er ulik som for dom. Det er egne reglar for saksbehandlinga for rettsfastsetjing. Me meiner leddet dom i semjedom peikar mot hovudforhandling og tvist, noko som ikkje er heldig.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* uttaler:

«Bra med definisjonar men bør kanskje utvidast. Tyngsler, negative servituttar osv. Vi likar dei nye orda bortsett frå semjedom som vi ser på som sjølvmotseiande. B) og c) bør byta plass for å halda på same rekkjefylgje som i kap 4 (§4-1 er rettsutgreiing og § 4-2 er grensesak). Det same gjeld i § 6-1 der «grensesak eller rettsutgreiing» bør byta plass. f) ordet problem er også nytta i §§ 3-1, 3-19, 6-8 og 6-17. Ordet bør ikkje nyttast i lovtekst og bør strykast eller finna andre skrivemåtar for å uttrykka det ein meiner. g) ordet endeleg må bytast ut med ordet avsluttande. h) ordet semjedom synes for nokre som sjølvmotseiande. Det enkle ordet semje hadde vore betre, som bøndene i Suldal kommune nyttar om utskiftingar og jordskifte. Semje fell likevel ikkje i smak hjå alle. Til slutt har med enda opp med ordet rettsfastsetjing. Det inneheld både kva som skjer – at rettar blir slegne fast/avklara og ei vidareføring av det innarbeidde omgrepet rettsfastsetjande vedtak.»

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* meiner at enkelte definisjonar er noko uheldig utforma eller er uklare:

«Dette gjelder: jordskifte (fanger ikke opp bruksordninger og fellestiltak på en god måte), jordskifteløysing (uklart hva som er forskjellen på jordskifteavgjerd og jordskifteløysing), semjedom (semje og dom er motsetninger, rettsfastsetting er bedre ord), vernejordskifte (begrepet er vanskelig tilgjengelig). Tyngsler

(uklart hva dette er, bedre å bruke negative servitutter).»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme uttaler:*

«Semjedom bør endres til rettsfastsetting. Semjedom gir uttrykk for at det er enighet. Rettsfastsettende vedtak etter nåværende § 17 a omfatter avgjørelser uten tvist, men det kan likevel være en viss grad av uenighet, uklarehet. Se utfyllende merknader pkt 3.7. Vi foreslår at følgende begreper tas inn som nye bokstavpunkter i 1-3: Tyngsler – et samlebegrep for plikter, heftelser (for tjenende eiendom vil servitut være en heftelse, mens den vil være en rett for herskende eiendom) og negative servitut. Arealverdi – begrepet er tatt inn i loven (se §§ 3-15, 3-21 og 3-25) uten noe nærmere forklaring. Det bør fremgå hva som legges i begrepet arealverdi. Se også § 3-21 andre ledd der dagens formulering grunnverdi er videreført for skog. Dersom det innføres et nytt begrep arealverdi, bør dette defineres slik at det gjelder alle utnyttelsesmåter. I en og samme sak vil det være uheldig å bruke arealverdi i deler av området eller for noen utnyttelsesmåter og grunnverdi for andre områder eller utnyttelsesmåter. Det bør ikke innføres nye begreper uten at dette utredes tilstrekkelig. Verdsetting er en sentral del av jordskifte. Vi er ikke kjent med at verdsetting skaper store problemer eller medfører mye arbeid for jordskifteoverretten. Det riktige må være å videreføre enkle prinsipp. Dette medfører at §§ 3-17 til 3-25 endres. Dagens ordlyd bør generaliseres og videreføres. G: Jordskifteavgjerd – arbeidsgruppas forslag dekker ikke opp alle avgjørelsestypene som vi kan se for oss i et jordskifte. Vi stiller spørsmål til hvorfor det presiseres at avgjerd om verdsetting er en type avgjørelse uten å ta med andre avgjørelsestyper for eksempel avgjerd om bonitering, veitrase med mer.»

*Nord- Trøndelag jordskifterett* meiner definisjonar kan vere nyttige for ein som skal ha med lova å gjere for første gong:

« Det er då avgjerande at definisjonane er korte, klare og eintydige. Der står det att mykje arbeid. Bokstav f, Jordskifteløysing vert definert som heilt eller delvis av det som er til behandling, mens det i særmerknadene side 143 i bokstav g og i § 6-19 går fram at det dreier seg om eit forslag. Det må i det minste define-

rast som forslag til heil eller delvis løysing. Vi syns elles at jordskifteplan er eit betre uttrykk. Bokstav g, viser til kommentar under bokstav f. Bokstav h, Semjedom er eit fyndig ord, men utvatnar innhaldet i ordet dom og bør ikkje brukast om tilhøve der partane er samde. Bruk heller nokre fleire ord og kall det for fastsetting av gjeldande rett eller fastsettingsavgjerd. Framlegg til semjedom skal høyrast hjå partane. § 4-4. Det blir feil å kalle det dom når avgjerda skal ut på høyring.»

*Sør- Trøndelag jordskifterett uttaler:*

«Jordskifte kan brukes for å bedre eiendoms- og bruksrettssituasjon (ordninger, fellestiltak). Det er dette som er det rettsendrende elementet. Forslaget sier at jordskifte kan «bedre rettsforholda», noe som gir inntrykk av å gripe inn i det rettslige grunnlaget på en eller annen måte. Det blir i tilfellet feil. Foreslår isteden følgende: a) jordskifte; bruk av verkemidla i kapittel 3 for å bedre eigedoms- og bruksrettsforholda. Begrepet «som sjølstendig sak» er unødvendig. Mange saker der dessuten en kombinasjon av jordskifte, grensegang og rettsutgreiing. Definisjonen må ikke gi inntrykk av at de enkelte sakstypene kun kan være «sjølstendige» saker og at de ikke kan tas i kombinasjon med andre sakstyper. Viser til omtale av begrepet semjedom i innledninga og i kommentarene til kap. 6.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme uttaler:*

«I for eksempel ei bruksordning, som også er definert som jordskifte, er det vesentlege å etablere samarbeid/sambbruk på tvers av eigedoms- eller bruksrettsgrensene. Det same gjeld også ved etablering av fellestiltak. Dette bør komme klart fram i paragrafen. e) Dette punktet er noko upresist. «Den samla verdien som partane rår over» kan tolkast som alt dei eig, også utover det som inngår i jordskiftet. g) Sjå våre merknader i kapittel 2.7 og til § 6-19. «jordskifteløysing undervegs i saka» må gå ut. Dette er det same som utkast til jordskifteløysing, og det skal ikkje ha avgjerds form. h) Semjedom er ikkje noko godt omgrep. Vi viser til våre merknader i kapittel 2.7. Vi foreslår at ein brukar omgrepet rettsfastsetting i staden. Når det gjeld definisjonar i § 1-3, bør ein også vurdere å ta med definisjon av omgrepet eigedom.»



*Fylkesmannen i Hordaland* uttaler at definisjonar i lova vil vere til nytte for dei som er involvert i saker for jordskifterettane, ikkje minst sidan eit stort fleirtal av dei er sjølvprosederande, og manglar særleg innsikt i prosessreglane som gjeld.

*Advokatforeningen* er skeptisk til bruken av omgrepet semjedom, og meiner ein bør finne eit anna omgrep for avgjerdene når det ikkje er tvist mellom partane:

«En ytterligere terminologisk kommentar knytter seg til definisjonsparagrafen (§ 1–3 litra h). Her brukes uttrykket «semjedom» om noe som skal være en rettsfastsettende avgjørelse om grenser m.m. Uttrykket går igjen i lovutkastet § 6–19. Uttrykket semje skal her peke tilbake på en avgjørelse som treffes når det ikke er tvist. Men i domssammenheng antyder ordvalget mer at man står overfor en enstemmig dom, i motsetning til en dom avsagt under dissens. Det vil være heldig å finne et annet ord for denne type avgjørelser i jordskifteretten.»

*Høgskolen i Bergen* har òg kommentarer til bruken av omgrepet «semjedom»:

«Når det gjelder forslaget om å innføre begrepet semjedom, er dette klart i strid med arbeidsgruppens mandat. Argumentasjonen på side 103 gir ikke grunnlag for å sette til side de siterte retningslinjene nedfelt i mandatet. Begrepet finnes i dag ikke i det norske språket og er sammensatt av to ord som i realiteten har motsatt betydning. Det er således egnet for å skape usikkerhet både for profesjonelle aktører og folk flest.»

### 6.4.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner det er behov for å definere viktige omgrep i lova og at definisjonsparagrafen bør stå i det første kapitlet.

Innføring av legaldefinisjonar får støtte frå høyringsinstansane, men det er mange syn både på kva som bør definerast, og korleis.

Det er færre definisjonar i lovforslaget § 1-3 enn i høyringsforslaget. Som Justisdepartementet uttaler, bør legaldefinisjonar berre nyttast når det er eit særskilt behov for å klargjere omgrep som brukast i lova, og ikkje fordi fagordet er mykje brukt. Departementet meiner at fleire av dei omgrepa som definerast i høyringsforslaget, ikkje treng ein legaldefinisjon, som for eksempel jordskifte, rettsutgreiing og grensesak. Kva for ulike sakstypar jordskifteretten kan behandle, går fram

av § 1-4 *Kva det kan reisast sak om for jordskifteretten*, og av kapitla 3 Jordskifte, 4 Rettsutgreiing og grensefastsetjing med meir, og 5 Skjønn og andre avgjerder etter andre lover. Legaldefinisjonar skulle ikkje vere nødvendige i tillegg til dette. Likeeins treng heller ikkje avgjerdsformene (dom og jordskifteavgjerd med meir) legaldefinisjonar. Det går klart nok fram av lovforslaget § 6-23 *Avgjerdsformene* kva for avgjerdsform som skal brukast i høve til dei ulike avgjerdene retten tar.

Dei omgrepa i den nye lova som treng legaldefinisjon er:

#### *Jordskifteområdet*

Omgrepet kjem i staden for omgrepet «skiftetfeltet», som blir brukt mange stader i gjeldande jordskiftelov. «Skiftetfeltet» kan gi assosiasjonar til areal. Sjølv om jordskifte alltid er knytt til fast eigedom, kan saka avgrense seg til nye reglar for jakt i eit utmarksområde eller for vedlikehald av ein privat veg i eit bustadområde. I slike saker er merksemda retta meir mot reglane enn mot arealet. Når ein treng eit omgrep som skal omfatte alt frå den tradisjonelle nye utforminga av teigar til nye bruksreglar, er «område» betre enn «felt» fordi område har ei språkleg sett noko vidare tyding enn felt. Leddet «*jordskifte*» i omgrepet er meir presist enn «skifte». Skifte kan gi assosiasjonar til oppgjer av bu. Det er ikkje ønskeleg. Omgrepet «*jordskifteområdet*» er rimeleg robust mot eventuelle endringar i innhaldet i omgrepet jordskifte i framtida.

#### *Tiltaksjordskifte*

Dette er ein bestemt type jordskifte for å bøte på følgjer av offentlege eller private tiltak, jf. lovforslaget § 3-2 første ledd andre punktum. Eksempel på tiltak kan vere bygging, utbetring, vedlikehald, drift og nedlegging av anlegg. Omgrepet er nytt i forslaget, men det er vel etablert i praksis som kortnamnet på jordskifte som fyller vilkåra i gjeldande jordskiftelov § 1 andre ledd bokstav a. Departementet meiner det òg er ein fordel å få definert slike fagord fordi dei er i vanleg bruk.

#### *Vernejordskifte*

Dette er dei jordskifta som følgjer av offentlig regulering av eigarrådvelde jf. § 3-2 første ledd tredje punktum. Omgrepet er nytt i lovforslaget, men dette omgrepet er etter måten òg vel etablert som kortnamn på jordskifte som fyller vilkåra etter gjeldande jordskiftelov § 1 andre ledd bok-

stav b. Departementet meiner det òg i dette tilfellet er ein fordel å definere eit vanleg brukt fagord.

## 6.5 Kva det kan reisast sak om og kven som kan reise sak (søksmålgjenstand og partstilknytning)

### 6.5.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa fremjer i høyringsforslaget §§ 6-4 og 6-5 forslag til reglar om kven som kan reise sak for jordskifteretten (partstilknytninga). Reglane fører vidare reglane i gjeldande jordskiftelov §§ 5, 88 og 88 a, men slik at reglane dels blei omskrivne og forenkla. Dei særskilte reglane i gjeldande jordskiftelov § 5 andre til femte ledd om kven som kan krevje såkalla urbant jordskifte foreslår arbeidsgruppa å føre vidare.

Høyringsforslaget har ikkje forslag om ein generell regel om kva det kan reisast sak om for jordskifteretten. Meininga er at dette skal gå fram av kapitla 3 til 5.

### 6.5.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* støttar høyringsforslaget om at tvistelova § 1-3 om søksmålvilkåra ikkje blir gjort gjeldande etter jordskiftelova. Justisdepartementet reiser på den andre sida spørsmål om behovet for særskilte reglar om kva det kan reisast sak om («søksmålgjenstanden»). Justisdepartementet uttaler:

«Denne bestemmelsen [§ 1-3] angir søksmålsbetingelsene i vanlige sivile saker – kravene til søksmålgjenstanden, søksmålgjenstanden, søksmålssituasjonen og partstilknytning. Reelt sett er det særlig kravet til søksmålssituasjonen som ikke passer for jordskiftesakene – kravet om det må foreligge et «reelt behov for å få kravet avgjort» (aktualitetskravet). Men det er også vesentlige foreskjeller i kravet til søksmålgjenstand og partstilknytningskravet. Lovutkastet § 6-4 angir etter det vi forstår hvem som kan anlegge sak for jordskifterettene – med andre ord partstilknytningskravet. Vi har ingen vesentlige innvendinger mot utformingen av denne bestemmelsen. Spørsmålet om hva det kan anlegges sak om – søksmålgjenstanden for jordskiftesakene – må etter lovutkastet vurderes ut fra flere regler i kapittel 3 (jordskifte), kapittel 4 (rettsutgreiing og grensesak) og kapittel 5 (skjønn). En viss veiledning finnes innledningsvis i lovutkastet § 1-2 om virkeområde også. Vi ber om det vurderes

en samlet regulering innledningsvis i loven om hva det kan anlegges sak om etter jordskifteloven. Dette vil lette tilnærmingen til jordskifterettens virkeområde (sakstypene) samt at det vil være i tråd med den lovtekniske løsningen i tvisteloven. Eksempelvis vil lovutkastet § 1-3 bokstav a til c kunne danne grunnelementene i en slik bestemmelse, men slik at det nødvendigvis må skje en utfyllende regulering i de respektive sakstypekapitlene. Dersom en slik løsning velges kan det også aktualisere en flytting av bestemmelsen om partstilknytning i lovutkastet §§ 6-4 og 6-5, slik at en får en mest mulig samlet regulering av søksmålsbetingelsene.»

Andre høyringsuttalar til høyringsforslaget §§ 6-4 til 6-6 omhandlar berre spørsmålet om kven som skal kunne krevje sak (det vil seie partstilknytningskravet, som i høyringsnotatet òg omtalast som «kravskompetanse»):

*Miljøverndepartementet* uttaler:

«Det ser ut til å være et behov for en mer utfyllende omtale av spørsmålet om det offentlige adgang til å kreve jordskifte og når det offentlige/myndigheter kan håndheve sine regler direkte i stedet for å være henvist til å kreve/være part i et jordskifte – for eksempel hvis jordskifteretten avlyser en servitutt som kommunen mener fortsatt skal gjelde som vilkår for en tillatelse eller dispensasjon.»

*Domstoladministrasjonen*

«er enig i at kravet om særskilt registrert grunneiendom i jordskifteloven § 5 første ledd faller bort. Det kan tenkes at det fremdeles finnes ikke matrikulert grunn der eier kan ha bruk for jordskifte. Dessuten kan det tenkes at areal er blitt ervervet uten at grunnen er blitt matrikulert. Også eierne av slike areal bør ha kravskompetanse, noe utkastet synes å fange opp. DA er enig i at jordskiftelovens strenge kravsvilkår for såkalte «urbane jordskifter» blir tatt bort, og at vilkårene for å kunne kreve urbant jordskifte blir de samme som for krav om jordskiftesaker forøvrig. Jordskiftelovens krav om enighet, eller eventuelt 2/3 flertall, er altfor strengt og kan stenge for ellers formålstjenelige jordskiftesaker. Krav om enighet er utfordrende dersom en av partene skulle trekke seg fra kravet. DA støtter også den foreslåtte endring om at også reindriftsutøvere generelt kan kreve sak slik utkastets andre

ledd nevner, uten å måtte gå om lederen av reinbeitedistrikt slik som tilsvarende regel i jordskifteloven nå er utformet. I Norge er det lang tradisjon for at enkeltgrunneiere og rettighetshavere kan kreve sak for jordskifteretten. Reindriftsutøvere bør i så måte ha de samme rettigheter som andre borgere i landet.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* kommenterer òg spørsmåla om urbant jordskifte, og kven som skal kunne krevje sak på vegne av reindriften:

«De spesielle kravskompetansereglene som følger av krav om sak etter jordskiftelovens §§ 2 h og i (urbant jordskifte) går ut og de vanlige kravsreglene vil gjelde også for slike saker. Vi er enig i de endringer som er foreslått. Etter andre ledd som gjelder reindriftsområder kan utøver av reindrift kreve sak uavhengig av om det er opprettet distriktsstyre. Vi er enig i den endring som er forelått.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* uttaler:

«Kravskompetansen er foreslått knyttet til eigar av grunneigedom. Problemet er av og til at den som krever sak for et område ikke eier noe registrert eiendom. Eiendommen/område kan være uskyldsatt eller på annen måte uregistret (dvs. ikke eget gnr./bnr.). Det bør derfor åpnes for at loven også omfatter denne type rekvirenter. I motsatt fall vil en oppleve en unødvendig tvist om vilkåret for kravskompetanse er oppfylt eller ikke. Se utfyllende merknader spesielt henvisningene til rettspraksis fra Frostating (RG 2008-777) og Agder (LA-2007-72666) i pkt. 3.6.1. Vi viser vidare til høyringsnotatet side 61 til 64. Vi er enig i at vilkårene om at alle eller to tredjedeler av partene må stille seg bak krav om urbant jordskifte, går ut. Virkemidlene kan nå bli aktuelle og tas i bruk.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* uttaler til høyringsforslaget § 6-4:

«Me finn 1. ledd problematisk. I ein del tilfelle vil kjerna i saka vera om den som krev sak er eigar av grunn eller rettar. Det må takast inn at, «eller den som meiner å vera eigar av ...». Alternativt bør det gå klårt fram av forarbeida at den som meiner å vera eigar kan krevje sak, sjølv om han etter matrikkelen ikkje har rettar i området. Me meiner at kravskompetansen

bør samlast i ein paragraf. Overskrifta blir då som i utkastet § 6-4.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler:

«Første ledd i § 6-4 oppfattes som uttømmende oppregning av hvilke saker som kan kreves. Dermed mangler selvstendige skjønnsaker. Men hele leddet kan forenkles til: Krav om sak for jordskifteretten, kan bli satt fram... I § 6-4 er følgende nytt når det gjelder hvem som kan kreve sak: eierseksjonseier, innehaver av tidsavgrensa bruksrett, fester, innehaver av negativ servitutt, utøver av reindrift. Får sjølstendig rett uavhengig av reindriftsstyret. Dette anser vi som hensiktsmessig. I tillegg må organisasjoner evt. nevnes. jf. omtale av § 6-1 bokstav a over.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* foreslår endringar i paragrafrekkefølga, og forenklingar i ordlyden.

*Jernbaneverket* påpeiker at det kan vere eit behov for Jernbaneverket til å krevje rettsfastsettende sak før ein formelt får heimel, slik at grunnlaget kan klarleggjast når grunnervvervsforhandlingane finn stad.

### 6.5.3 Departementets vurderingar

I lovforslaget kapittel 1 Formål, verkeområde, definisjonar, saksinnhald og sakstilknytning er det i del II Saksinnhald og sakstilknytning, gitt reglar om kravssituasjonen. Det vil seie kva det kan reisast sak om for jordskifteretten, og kven som kan reise slik sak. Dette er reglar om «søksmålgjensstand» og «partstilknytning» som liknar dei ein har i tvistelova § 1-3, men som er særleg tilpassa til høva i sakene for jordskifteretten.

Lovforslaget § 1-4 bokstavane a til d, gir ei oversikt over kva det kan reisast sak om for jordskifteretten, og fortel dermed òg kva for verkemiddel jordskifteretten kan gjere bruk av:

- endring i eigedoms- og rettstilhøve for å skape meir tenlege tilhøve (jordskifte).
- fastsetjing av eigedomstilhøve og rettar (rettsutgreiing),
- fastsetjing av grenser
- skjønn og andre avgjerder etter andre lover slik det går fram av kapittel 5 i lova og av særlovene.

Regelen i § 1-4 er teken inn etter forslag frå Justisdepartementet. Som det går fram av Justisdepartementet si uttale, passar ikkje tvistelova sine

reglar om kravet til søksmålsituasjonen for jordskiftesakene. Landbruks- og matdepartementet meiner det må vere nok med ein regel som seier kva det kan reisast sak om, kombinert med eit krav til å beskrive kva partane vil oppnå med saka, og i tillegg eit krav om å beskrive kva for utenlege eigedomstilhøve ein vil at retten skal bøte på, når det gjeld krav om jordskifte, sjå lovforslaget § 6-2. Ut over dette er det ikkje nødvendig med spesielle krav til godtgjering av reelt behov for å få kravet avgjort.

Dei nærare reglane om dei enkelte verkemidla går fram av kapitla 3 (jordskifte), 4 (grensefastsetjing og rettsutgreiing) og 5 (skjønn og andre avgjerder etter andre lover).

Reglar om kven som kan reise sak (partstilknyttingskravet), går fram av lovforslaget § 1-5. Paragrafen avløyser dei tilsvarende reglane i gjeldande jordskiftelov §§ 5, 88 og 88 a. Lovforslaget samanfattar og forenkler høyringsforslaget §§ 6-4 til 6-6. Krav om sak kan setjast fram av den som er eigar av grunneigedom, eller av eigarseksjon, eller som har ein rett over fast eigedom, eller som er festar. Formuleringa «eigar av særskilt registrert grunneigedom» i gjeldande jordskiftelov, er teken ut. Som Domstoladministrasjonen og jordskifterettane i Agder uttaler, kan det framleis vere grunn som er overteke utan at han er registrert (matrikulert). Eigarar av slik grunn må òg kunne krevje sak, og lovforslaget er meint å fange opp dette. Spørsmålet om den som krev sak har rett til å gjere dette, vil ofte vere eit spørsmål om vedkommande eigentleg er eigar. Det er ikkje noko krav at den som krev sak kan vise til grunnboksheimel til eigedomen. Hevd, eit skøyte som ikkje er tinglyst, eller eit testament, kan òg vere grunnlag for eigedomsrett. Det vil òg vere nok til å krevje sak, at den som krev saka påstår å vere eigar.

Når det gjeld deling av eigedom etter lovforslaget § 3-7, er det ikkje eit vilkår at den som krev sak eig eigedommen fullt ut. For eksempel kan A, B og C ha underskrive ein kjøpekontrakt på ein eigedom saman. Dei har såleis foreløpig ikkje full eigedomsrett til eigedommen. Eit anna eksempel er at A, B og C har fått skøyte på eigedommen og blitt sameigarar i eigedommen. Lovforslaget § 3-7 inneber at jordskifteretten kan dele opp eigedommen i begge dei nemnde tilfella.

Er det fleire eigarar, kan kvar av dei krevje sak. Dette er òg ordninga etter gjeldande lov.

Reglane om det offentlege sin rett til å krevje sak er vesentleg forenkla. Berre det som er niande ledd i gjeldande jordskiftelov § 5, er teken med i lovforslaget, sjå § 1-5 tredje og fjerde ledd:

«Offentleg styresmakt og andre tiltakshavarar med heimel til å ekspropriere til tiltak og anlegg, kan krevje jordskifte etter kapittel 3.

Offentleg styresmakt med heimel til å regulere eigarrådvelde, kan krevje jordskifte etter kapittel 3 og grensefastsetjing etter § 4-2.»

I høve til gjeldande jordskiftelov er det nytt at andre tiltakshavarar kjem på line med offentlig styresmakt når det gjeld å kunne krevje jordskifte. Det avgjerande etter lovforslaget er at det ligg føre ein heimel til å krevje ekspropriasjon. Når tiltaket kan gjennomførast ved ekspropriasjon, spelar det lita rolle for dei tiltaket rammer, om det er i offentlig eller privat regi. Det bør òg vere slik at tiltakshavarar bør kunne velje mellom ekspropriasjon og jordskifte.

Som grunneigar har det offentlege same rett som andre til å krevje sak for jordskifteretten. Dersom eit offentlig organ meiner det er nødvendig med jordskifte, kan det overta ein eigedom i det aktuelle området og krevje sak som grunneigar. Det kan òg stillast som vilkår for tilskott at det blir kravd jordskifte.

Arbeidsgruppa uttaler i høyringsnotatet at sjetten til åttande ledd i gjeldande jordskiftelov § 5, må kunne seiast å vere unødvendige i dag. Sjetten ledd gjeld krav om jordskifte frå departementet, når departementet finn at tilskott til tiltak for å fremje landbruket kan få større nytteverknad dersom det blir halde jordskifte eller når det er nødvendig av allmenne omsyn med vidare. Departementet kan òg krevje jordskifte i dei høve gjeldande jordskiftelov § 2 bokstav f nemner, det vil seie når grunn og rettar skal avhendast i samsvar med formålet i jordlova. Heimelen er lite brukt dei seinare åra. Sjuande ledd som handlar om at fylkeslandbruksstyret kan krevje sak, er uaktuell i og med at ordninga med fylkeslandbruksstyre er oppheva. Heimelen offentlig styresmakt har til å krevje rettsutgreiing er det heller ikkje grunn til å føre vidare i ny jordskiftelov. Åttande ledd gjeld kompetansen fylkesmannen har til å krevje jordskifte som ledd i tiltak etter lov 15. mai 1992 om laksefisk og innlandsfisk mv. § 25 (innlandsfiskelova).

Departementet er samd med arbeidsgruppa i at gjeldande jordskiftelov § 5 femte til åttande ledd bør gå ut. Åttande ledd gir fylkesmannen heimel for å krevje bruksordning etter jordskiftelova § 2 første ledd bokstav c og innlandsfiskelova § 25. Departementet viser til dei endringane i innlandsfiskelova § 25 som Stortinget vedtok i 2012, jf. Innst. 88 L (2012–2013) og Prop. 86 L (2011–2012). Departementet foreslår å endre innlandsfiskelova § 25 åttande ledd for å oppdatere regelen

i høve til forslaget til ny jordskiftelov, sjå omtalen av dette i kapittel 8.13.5.3 og i spesialmerknadene.

Miljøverndepartementet peikar i høyringsuttalen sin på behovet for ei meir utfyllande omtale av spørsmålet om offentlege myndigheiter kan krevje jordskifte, og når dei kan handheve reglane direkte i staden for å vere part i eit jordskifte. Miljøverndepartementet bruker som eksempel at jordskifteretten avløyser ein servitutt som kommunen meiner framleis skal gjelde som vilkår for eit løyve eller ein dispensasjon.

Departementet understrekar at offentlege styresmakter ikkje er avhengige av partsstatus for å kunne bruke myndigheit i eit område der det går føre seg eit jordskifte. Alt etter tilhøva og dei lovheimlane som ligg føre, vil offentlege styresmakter kunne velje om dei vil nytte jordskifte, for eksempel makeskifte ved større utbyggingar, eller om dei vil nytte ekspropriasjon og betale erstatningar. Det at eit jordskifte er under behandling, vil ikkje avskjere bruken av offentleg myndigheit, eller tvinge offentlege organ inn i ei partsrolle i jordskiftet for at dei skal kunne ivareta offentlege interesser. Dersom reguleringsvedtak eller vernevedtak gjeld innanfor eit jordskifteområde, må jordskifteretten leggje desse vedtaka til grunn for jordskifteløysinga. Dette gjeld òg i høve til rettar over fast eigedom som er fastsette som vilkår i samband med tillatingar eller dispensasjonar frå ei offentleg styresmakt. Retten kan på den andre sida ta endringar i regulering og planar opp med vedkommande planstyresmakt, om retten meiner at endringar kan vere ønskjelege eller nødvendige for å finne ei god jordskifteløysing. Rettar som er oppretta mellom private, og som altså har ei privatrettsleg forankring, vil retten på den andre sida kunne omforme på vanleg måte som del av eit jordskifte. Eksempel på dette kan vere ved omskipling eller avløyning. Tilhøvet retten har til offentlege myndigheiter går fram av lovforslaget § 3-17 Føresegner og løyve:

«Jordskifteløysinga skal ikkje vere i strid med bindande offentlege føresegner om arealbruk.

Nødvendige offentlege løyve skal liggje føre når jordskifteretten tek avgjerd om den endelege jordskifteløysinga. Jordskifteretten kan søkje om dei løyva som trengst for å setje i verk jordskiftet.»

Når det gjeld kven innanfor reindriften som kan krevje sak, seier gjeldande jordskiftelov § 5 tiande ledd, at leiar av reinbeitedistrikt kan krevje jordskifte etter § 2 første ledd bokstav c nr. 3 og bokstav h. Dersom distriktsstyre ikkje er oppretta,

kan utøvar av reindriften likevel krevje slikt jordskifte.

Ny reindriftslov tok til å gjelde 1. juli 2007. I følgje reindriftslova § 43 første ledd skal det nå opprettast distriktsstyre i dei einskilde reinbeitedistrikta. Problemstillinga med at distriktsstyre ikkje er oppnemnt, er dermed ikkje lenger aktuell. Spørsmålet blir da kven innanfor reindriften, med bakgrunn i organiseringa av reindriften etter gjeldande lov og omstenda elles, som skal kunne krevje sak for jordskifteretten. Departementet meiner dette bør vere 1) distriktsstyret, jf. reindriftslova § 43, 2) siidastyret, jf. reindriftslova § 52, og 3) leiar av siidaandel, jf. reindriftslova § 10.

Distriktsstyret kan etter reindriftslova § 44 andre ledd, inngå forlik, saksøkje og saksøkjast på vegne av reindriftsutøvarane i distriktet i felles saker. Det er naturleg at distriktsstyret etter tilhøva òg kan krevje jordskifte. Elles er det etter reindriftslova § 44 andre ledd distriktsstyret som har kompetanse, og ikkje distriktsstyret ved leiaren, slik det var etter reindriftslova av 1978.

Siidastyret har etter reindriftslova § 52 ansvaret for tilrettelegging av felles verksemd og forvalte felles anlegg i siidaen. (Årsmøtet i siidaen kan likevel bestemme at siidastyre ikkje skal opprettast). Det følgjer vidare av reindriftslova § 44 andre ledd tredje punktum at ein siida kan ivareta eigne særskilte interesser. Departementet meiner at siidastyret bør kunne krevje sak for jordskifteretten.

Med siidaandel forstås ein ei familiegruppe eller enkeltperson som er ein del av ein siida, og som driv reindriften under leiing av ein person, eller av ektefellar eller sambuarar i fellesskap. Ein siidaandel bør kunne krevje sak for jordskifteretten. Det visast òg her til reindriftslova § 44 andre ledd tredje punktum. Ansvarleg leiar av siidaandelen bestemmer kven som får eie rein i siidaandelen og vedkommande sitt reintal. Innafor ein siidaandel bør det derfor vere leiaren som kan vere i posisjon til å krevje sak. Øvrige reineigarar i siidaandelen bør ikkje givast adgang til å krevje sak for jordskifteretten, ettersom desse ikkje har nokon formell posisjon med omsyn til siidaandelens drift.

Organisasjonar er ikkje spesielt nemnde i lovforslaget. Dersom slike eig fast eigedom, eller har slike rettar som nemnde i lovforslaget § 1-5 første ledd, kan dei krevje sak på lik linje med andre. Særlege reglar om retten til organisasjonar til å krevje sak i andre tilfelle, ser departementet ikkje behov for.

Gjeldande jordskiftelov § 5 siste ledd inneheld ein regel om at ein ikkje kan fråskrive seg retten til å krevje jordskifte. Finn retten at ei slik avtale

hindrar eit tenleg jordskifte treng retten ikkje ta omsyn til avtalen. Departementet foreslår å føre denne regelen vidare, men slik at ordlyden er gjort generell og omhandlar fråskrivning av retten til å krevje «sak» for jordskifteretten, ikkje berre jordskifte. Elles kan saka liggje slik an at avtalen regulerer meir enn berre spørsmålet om å ikkje krevje sak, og retten må da ta omsyn til kva som er avtala. Tvistelova har ikkje tilsvarende reglar, derimot om fråfall av anke, sjå tvistelova § 29-6.

Til forskjell frå gjeldande jordskiftelov er det ikkje teke inn særlege reglar om kven som kan krevje sak om reparasjon av planskapt ulemper eller sak om fordeling av planskapt netto verdiauke (såkalla urbant jordskifte). Departementet er samd med arbeidsgruppa i at det ikkje er grunnlag for å føre vidare slike særlege reglar. Lovforslaget forenkler gjeldande reglar fordi reglane om å krevje sak blir like for alle krav om jordskifte. Det fører samstundes til at det ikkje lenger vil vere krav om semje eller eit kvalifisert fleirtal av eigarar og eigedommar for å krevje jordskifte knytt til planskapt ulemper, verdiar eller kostnader.

Gjeldande jordskiftelov § 5 andre ledd regulerer kven som kan krevje sak om fordelinga av planskapt netto verdiauke for jordskifteretten. Hovudregelen er at alle grunneigarane må vere samde. Dersom det er fastsett vilkår om fordeling i medhald av plan- og bygningslova § 11-8 bokstav e, eller § 12-7 nr. 13, er det nok med to tredels fleirtal blant eigarane dersom dei eig minst to tredelar av det areal som omfattar:

«a. område for bebyggelse og anlegg saman med

b. areal som i samsvar med plan etter plan- og bygningsloven skal nyttast til sams tiltak som skal tene området som er lagt ut til bebyggelse og anlegg».

Gjeldande jordskiftelov § 5 tredje og fjerde ledd regulerer kven som kan krevje jordskifte for å bøte på planskapt ulemper etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav i. Gjeld saka eksisterande område for bygging og anlegg, må alle eigarane vere samde om å krevje sak for jordskifteretten. Gjeld saka nytt område for bygging og anlegg, kan slikt krav setjast fram dersom minst 2/3 av eigedommane er samde om det, og arealet deira utgjer minst 2/3 av arealet innanfor byggeområdet. Eit slikt krav kan omfatte heile byggeområdet. Ved jordskifte etter § 2 første ledd bokstav i legg føresegnene ikkje opp til nokon samvariasjon mellom plan og kven som kan krevje

jordskifte slik høvet er ved krav etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav h.

Sjølv om høyringsinstansane i hovudsak går inn for lovforslaget, er fleire av dei opptekne av at andre skrankar enn semje eller fleirtal må sikre rettstryggleiken for dei som ufrivillig blir dregne inn i eit jordskifte, sjå mellom anna uttalen frå Stavanger kommune, uttalen frå jordskifteoverrettane og i uttalen frå jordskifterettane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme, som er refererte i kapittel 8.29.2. Departementet er samd i dette.

Departementet foreslår at vilkåra i lovforslaget §§ 3-2 (utenlege eigedomstilhøve) og 3-3 (meir tenlege eigedomstilhøve i jordskifteområdet) skal gjelde i jordskiftesak som blir reist om reparasjon av planskapt ulemper, anten saka gjeld eksisterande byggeområde eller i område som ikkje er bygd ut (jf. gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav i). I tillegg foreslår departementet at jordskifteløysinga i slike saker ikkje kan føre til at nokon part tapar på jordskiftet (lovforslaget § 3-18), eller at nokon eigedom blir redusert i verdi (lovforslaget § 3-19). Dette er vilkår som sikrar rettstryggleiken i jordskifte for andre eigedomstypar. Vilråra er etter departementets syn òg eigna til å gjelde ved jordskifte som gjeld reparasjon av ulemper som følger av plan. I Ot.prp. nr. 78 (2004–2005) som ligg til grunn for gjeldande reglar, er det ikkje drøfta om dei vanlege reglane knytt til garantien mot tap er eigna, og reglane om fleirtal er heller ikkje grunnigvne på annan måte. Når det i ettertid har kome fram at reglane i gjeldande jordskiftelov § 5 tredje og fjerde ledd er vanskelege å forstå og bruke, samstundes som det finst eigna avgrensingar i hovudreglane for jordskifte, kan departementet ikkje sjå at det er grunn til å behalde desse reglane.

Andre høve gjer seg gjeldande der jordskifteretten fordeler planskapt netto verdiauke. Ein eigar kan i slike saker få del av verdiauken planen har skapt på ein annan eigedom. Departementet har lagt til grunn for forslaget at vilråra i lovforslaget §§ 3-2 og 3-3 ikkje skal gjelde i slike saker. Sjølv lovforslaget § 3-2 første ledd og § 3-3 som berre viser til verkemidla i §§ 3-4 til 3-10. Departementet meiner at garantien mot tap for kvar enkelt part og eigedom heller ikkje er aktuell i sak som dette. Fordeling av planskapt netto verdiauke kan ikkje føre til at nokon part tapar.

Departementet er samd med dei høyringsinstansane som meiner at når kommunen har fastsett eit krav om at planskapt netto verdiauke skal fordelast i føresegnene etter plan- og bygningslova §§ 11-8 bokstav e, eller 12-7 nr. 13, er dette vil-

kåret med på å sikre rettstryggleiken for dei som ufriviljug trekkjast med i eit jordskifte. Det er da berre dei som har hatt høve til å fremje sine synspunkt gjennom ein ordinær planprosess som kan krevje sak. Departementet foreslår at dette framleis skal vere eit vilkår for å kunne krevje slik sak. I tillegg meiner departementet i tråd med forslaget frå jordskifteoverrettane og jordskifterettane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme, at kommunen gjennom plan må ha fastsett området for fordeling. Departementet meiner at dette går fram av ordlyden i lovforslaget § 3-30. Samla sett tek desse vilkåra slik departementet ser det, vare på rettstryggleiken for dei som ufri-

viljug trekkjast med i jordskifte sjølv om det ikkje ligg føre noko fleirtal blant eigarane om å krevje jordskifte eller å setje i gang tiltaket.

Forslaga fører samla sett til ei forenkling av reglane om kven som kan krevje jordskifte.

Forslaga fører òg til at innhaldet i føresegna i gjeldande jordskiftelov § 26 første ledd tredje punktum, som fastset at om kravet i saker etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav h eller i skal endrast må partane vere samde, ikkje blir ført vidare i ny lov. Regelen i lovforslaget § 6-19, om at ein av partane (rekvirenten) kan trekkje eit krav, gjeld såleis.

## 7 Endringar med omsyn til organiseringa av domstolen

### 7.1 Strukturen i kapittel 2 i lovforslaget

#### 7.1.1 Høyringsforslaget

Kapitel 2 i høyringsforslaget inneheld reglar om to forskjellige tema. Høyringsforslaget §§ 2-1 til 2-7 gjeld tilhøve som har lite å gjere med den enkelte sak for jordskifteretten. Dei regulerer organisatoriske tilhøve. Høyringsforslaget §§ 2-8 til 2-11 er reglar om samansetjinga jordskifteretten har i den enkelte sak og om lovnad frå nye jordskiftedommarar.

I høyringsforslaget er det egne paragrafar for jordskiftedommarar (§ 2-2), jordskiftedommarfullmektigar (§ 2-3) og for anna personale (§ 2-6). Redaksjonelt er dette klart forskjellig frå gjeldande jordskiftelov der ein berre har ein paragraf om bemanninga.

Som følgje av forslaget om ny rettsmiddelordning er dei fleste reglane om jordskifteoverrettane tekne ut av kapittel 2 i høyringsforslaget. I høyringsforslaget §§ 2-4 femte ledd og 2-6 første ledd finn ein likevel reglar som gjeld ankeinstansen.

#### 7.1.2 Høyringsinstansane

Høyringsinstansane ytrar seg ikkje seg om todelinga av innhaldet i kapittel 2 i høyringsforslaget.

Høyringsinstansane uttaler seg heller ikkje om opplegget med egne paragrafar for forskjellige delar av bemanninga ved jordskifterettane. Fleire høyringsinstansar tek likevel opp tilhøvet til domstollova i merknadene til §§ 2-2 til 2-5 i høyringsforslaget. Ofte kjem dei med forslag om at jordskiftelova berre treng ei tilvising til tilsvarende reglar i domstollova. Desse merknadene blir nærare omtalt og drøfta der dei tematisk høyrer heime.

Høyringsinstansane har ikkje merknader til at høyringsforslaget §§ 2-4 femte ledd og 2-6 første ledd inneheld reglar som gjeld ankeinstansen.

#### 7.1.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner det er grunn til å tydeleggjere forskjellen mellom reglar om organisering

av jordskifterettane og samansetjinga av jordskifteretten i den enkelte sak. I lovforslaget gjer ein det ved å dele kapittel 2. Jordskifterettane i to underkapittel. Underkapittel I har overskrifta Organisering av jordskifterettane. Underkapittel II har overskrifta Samansetjinga av jordskifteretten i ulike slags saker. Lovnad frå jordskiftedommarar med meir.

Departementet meiner todelinga gir lova ei meir logisk og betre redaksjonell oppbygging, gjer lova lettare tilgjengeleg for folk flest og gjer det enklare med krysslutvisingar i sjølve lova.

Departementet meiner det er tilstrekkeleg med ein paragraf om bemanninga ved jordskifterettane. Dei er særdomstolar, jf. domstollova § 2 nr. 1. Domstollova gjeld for jordskifterettane med mindre det er gjort lovpositive unntak. Behovet for egne reglar om stillingsgruppene i særdomstolen er i utgangspunktet avgrensa til det som er spesifikt for jordskifterettane. Departementet meiner at det er behov for å fastsetje titlar på leiaren av og dommarane ved jordskifteretten, ordninga med jordskiftedommarfullmektig, og sist - men ikkje minst - å få lovfesta kravet til at det skal vere eit teknisk personale ved jordskifterettane.

Departementet meiner kapittel 2 i lovforslaget ikkje skal innehalde reglar om ankeinstansen. Reglar om ankeinstansen går fram av domstollova og kapittel 8 i lovforslaget. Departementet går ikkje inn for at det skal vere noko krav til karakternivå slik arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 2-4 femte ledd, sjå kapittel 7.5 nedanfor. Dette gjeld òg for tilsette i ankeinstansen.

Departementet er samd med arbeidsgruppa når det gjeld realiteten i høyringsforslaget § 2-6 første ledd om at lagmannsrettane må ha nødvendig personale til å utføre jordskifteteknisk arbeid. Redaksjonelt meiner departementet at ein regel om dette høyrer heime i domstollova. Der finn ein reglane om bemanninga i lagmannsrett. Nærare drøfting av innhald i regelen om dette og plasseringa av han finn ein nedanfor i tilknytning til forslaget om ny § 62 a i domstollova.



## 7.2 Inndeling i jordskiftesokn (verneting)

### 7.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa meiner det ikkje er grunn til å endre regelen om at Kongen deler riket inn i jordskiftesokn for jordskifterettane.

### 7.2.2 Høyringsinstansane

Det er ikkje merknader til høyringsforslaget til arbeidsgruppa.

### 7.2.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner det er nødvendig å ha ein regel om inndeling i jordskiftesokn. På den måten får ein på plass to viktige element i organiseringa. For det første avgjer det spørsmålet om verneting, det vil seie kvar saka høyrer heime. For det andre avgjer det tenesteområdet for dei som arbeider i jordskifteretten. Departementet meiner òg at det av omsyn til partane er betre at denne regelen står i jordskiftelova enn i domstollova. Alternativet er å ta inn ein ny regel i domstollova med same ordlyd.

Det er Kongen som deler inn riket for dei vanlege domstolane. Kongen bør gjere det same for jordskifterettane.

Departementets forslag går fram av § 2-1 i lovforslaget.

## 7.3 Tilhøvet til domstollova

### 7.3.1 Høyringsforslaget

Tilhøvet til domstollova er ikkje eksplisitt drøfta i høyringsnotatet.

Med unntak av dei endringane som følgjer av ny rettsmiddelordning, kjem da heller ikkje arbeidsgruppa med forslag til vesentleg endring i høvet mellom domstollova og jordskiftelova.

### 7.3.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* uttaler:

«Det følger av domstolloven § 2 andre ledd at domstolloven gjelder for jordskifterettene om ikke annet er bestemt. Vi mener at jordskifteloven av informasjonshensyn bør ha med en henvisningsbestemmelse til domstollovens regler.

Følgende bestemmelse kan plasseres i en egen paragraf etter lovutkastet § 2-1:

«§ [...] *Forholdet til domstolloven*

Domstolloven gjeld for jordskifterettane om ikkje anna er bestemt, jf. domstolloven § 2 andre ledd.»»

Justisdepartementet meiner òg at det ikkje er nødvendig å ta inn eit nytt tredje ledd om jordskiftedomstolane i domstollova § 33 c. Denne regelen gjeld rolla som Domstoladministrasjonen har i budsjettarbeidet.

Fleire høyringsinstansar tek opp tilhøvet til domstollova i merknadene til §§ 2-2 til 2-5 i høyringsforslaget. I fleire forslag om jordskiftelova blir det sagt at ein berre treng ei tilvising til tilsvarende reglar i domstollova. Desse merknadene blir nærare omtala og drøfta der dei tematisk høyrer heime.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner at reglane om utnemning og konstitusjon bør vere i domstollova. Ei eventuell tilvising bør vere i ein samleparagraf til sist i lova. Dei meiner derfor at § 2-5 i høyringsforslaget kan gå ut.

### 7.3.3 Departementets vurderingar

Departementet er samd med Justisdepartementet og jordskifterettane i Agder jordskiftedømme om at det er ein fordel å ta inn ei føresegn som viser til at domstollova i utgangspunktet gjeld. Det dekkjer eit alminneleg informasjonsbehov om samanhengen mellom jordskiftelova og domstollova. Ein slik regel fører ikkje med seg noko realitetsendring, men slik § 2-2 i lovforslaget er forma, oppstår det eit behov for unntak frå domstollova i dei tilfella arbeidet til jordskifteretten gjer det nødvendig med eigne reglar. Det er mellom anna tilfellet når det gjeld inndeling i jordskiftesokn, bemanning ved og leing av jordskifterett, krav til jordskiftedommarar, utval av jordskiftemeddommarar, oppnemning av jordskiftemeddommarar og tilpassa lovnad frå jordskiftemeddommarane.

Departementet er samd med jordskifterettane i Agder jordskiftedømme om at reglane om utnemning og konstitusjon av jordskiftedommarar bør vere i domstollova. Reglane om utnemning og konstitusjon av dommarar vil til vanleg vere av lita interesse for partane i saka. Omsynet til sjølvprosederande partar veg derfor ikkje særleg tungt i denne samanheng. Når det kjem inn ei generell tilvising til domstollova, er det etter departementets meining ikkje grunn til å føre vidare den meir avgrensa og konkrete tilvisinga som ein finn i § 2-5 i høyringsforslaget.

Departementet er samd med Justisdepartementet i at det ikkje er nødvendig å gjere endring i domstollova § 33 c slik arbeidsgruppa foreslår.

Etter den paragrafen er det Domstoladministrasjonen (DA) som har ansvaret for å fremje budsjettforslag for domstolane overfor Justisdepartementet. Sidan jordskifteretten er ein domstol som DA har ansvar for, har DA òg ansvaret for budsjettet til jordskifteretten.

## 7.4 Bemanning

### 7.4.1 Kven fastset bemanninga i jordskifteretten

#### 7.4.1.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare kompetansen Domstoladministrasjonen (DA) har til å fastsetje tal stillingar for faste jordskiftedommarar ved den enkelte jordskifterett. DA blir i det heile tillagt same rolle overfor jordskifterett som overfor tingrett. Konkret går arbeidsgruppa inn for å tydeleggjere dette gjennom ei endring i § 33 c i domstolova.

Standardbemanning ved jordskifterett er jordskiftedommar(ar), jordskifte kandidat (overingeniør) med allment løyve, teknisk personale (ingeniørar) og administrativt personale. Arbeidsgruppa foreslår ikkje endringar i standardbemanninga. Ved enkelte jordskifterettar finn ein òg tilsette som har fagleg spesialiserte oppgåver. Deira rolle er dels å bidra med spisskompetanse og dels å utvikle hjelpemiddel til bruk for alle. Eksempel finn ein innafor kartfaglege område og takstopplegg for skog.

Det er DA som fastset talet på stillingar òg når det gjeld det tekniske og administrative personalet. For desse gjeld lov 4. mars 1983 nr. 3 om statens tjenestemenn m.m. dersom ikkje anna følgjer av domstolova.

#### 7.4.1.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* meiner det bør gå eintydig fram av ein eventuell lovtekst at det er DA som bestemmer tal jordskiftedommarar i kvar jordskifterett.

#### 7.4.1.3 Departementets vurderingar

Departementet sluttar seg til forslaget frå arbeidsgruppa og jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme om at DA skal ha kompetansen til å fastsetje bemanninga ved den enkelte jordskifterett. Departementet meiner dette allereie går klart fram av domstol-

lova § 33 c andre ledd som seier at DA fastset tal faste dommarstillingar ved domstolane. Denne paragrafen gjeld òg for jordskifterettane. Spørsmålet blir da om det er nødvendig med egne reglar om dette i jordskiftelova. Departementet meiner dette er eit tema som er av lita interesse for partane i jordskiftesakene. Etter ei samla vurdering er departementet kome til at det ikkje er nødvendig med ein slik regel i jordskiftelova.

### 7.4.2 Tal faste embete for jordskiftedommar

#### 7.4.2.1 Høyringsforslaget

Høyringsforslaget inneheld tre endringar. Arbeidsgruppa foreslår for det første at føresegna om jordskiftedommar utan fast tenestekrins skal takast ut av jordskiftelova.

Det andre forslaget er at kravet i § 7 andre ledd i gjeldande jordskiftelov om at det alltid skal vere minst ein jordskiftedommar i kvart jordskiftesokn, skal erstattast av at det alltid skal vere ein jordskifterettsleiar. Sjølv om det ikkje står i klartekst nokon stad, går det fram av samanhengen at jordskifterettsleiararen – på same måte som sorenskrivaren – skal gjere teneste som jordskiftedommar ved sidan av leiaroppgåvene.

Det tredje forslaget var den harmoniseringa til reglane i domstolova som ligg i innføringa av denne formuleringa i høyringsforslaget § 2-2 første ledd siste punktum: «...som til kvar tid er bestemt.»

#### 7.4.2.2 Høyringsinstansane

Ingen har merknader til dei tre forslaga.

#### 7.4.2.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår å ta bort heimelen i jordskiftelova for jordskiftedommar utan fast tenestekrins. Departementet konstaterer at det er lenge sidan denne heimelen har blitt brukt. Departementet meiner det er nok med regelen i domstolova § 33 c andre ledd andre punktum som seier at DA kan skipe faste dommarstillingar felles for fleire domstolar.

Departementet meiner det ikkje er behov for å ha ein regel om minstebemanning av jordskiftedommarar. Departementet legg vekt på at det ikkje er høyringsutsegner om dette og at eit lovfesta minste tal for jordskiftedommarar vil leggje etter måten sterke føringar for organiseringa av jordskifterettane.

Departementet meiner det bør gå fram av jordskiftelova at det skal vere så mange jordskiftedommarar som til kvar tid er bestemt. Det tilsvargar løysinga i domstollova § 19 første ledd første punktum. Departementet meiner at det ikkje er grunn til å ha nokon forskjell mellom tingrettane og jordskifterettane på dette området.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 2-3 første ledd.

### 7.4.3 Tilkalling av jordskiftedommar og oppnemning av jordskiftedommar i den enkelte saka

#### 7.4.3.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa meiner at regelen i domstollova § 19 andre ledd om tilkalling av jordskiftedommarar dekkjer same realitet som regelen i gjeldande jordskiftelov § 7 andre ledd andre punktum om oppnemning av jordskiftedommar til å styre den enkelte saka. Arbeidsgruppa foreslår derfor ei ordning for tilkalling som er tilnærma lik den som gjeld for tingrettane. Ordninga for tingrettane er todelt. Til å ta sete i retten i ei eller fleire bestemte saker, kan sorenskrivaren tilkalle dommarar frå andre tingrettar. Vilkåret er at dei tilkalla dommarane er viljuge til å gjere dette. I den andre delen av ordninga kan lagmannsretten trekkjast inn. Sorenskrivaren kan be lagmannsretten om å foreta tilkalling av slike dommarar innan lagdømmet.

#### 7.4.3.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen (DA)* har ikkje merknader til innhaldet i tilkallingsordninga. DA reiser spørsmål ved om det er nødvendig å ha eigne reglar om dette i jordskiftelova, eller om det er nok med ei tilvising til domstollova § 19 andre ledd.

*Norges Bondelag* meiner det er meir naturleg å leggje kompetansen til å tilkalle jordskiftedommarar til DA, enn til lagmannsretten.

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* meiner at det ikkje skal vere fritt å kunne tilkalle jordskiftedommar frå heile landet. Hovudregelen bør vere tilkalling frå jordskifteretten i jordskiftedømmet.

*Tekna* meiner at forslaget om tilkalling av jordskiftedommar med fordel kan erstattast av eit regelverk som gir heimel for å kunne konstituere jordskiftedommarar på bestemte saker på ubestemt tid og utan utlysing. Tekna argumenterar slik:

«Jordskiftesakene strekker seg ofte over lenge tid og omfatter mange rettsmøter. Det er nødvendig at det går noe tid mellom møtene, i og med at det må foretas verdsettinger, grenseavmerkinger og annet arbeid utenom sjølve rettsmøtene. I arbeidsmengde kan derfor ei jordskiftesak heller sammenliknes med en serie ulike saker for de ordinære domstolene.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* har drøfta formålet med tilkallingsordninga og er noko kritisk til løysinga i høyringsforslaget. Jordskifteretten meiner det same som Tekna når det gjeld å tilkalle jordskiftedommar knytt til sak i staden for knytt til ei viss tid. Uttalen endar elles ut i denne tilrådinga:

«Det burde derfor være tilstrekkelig med en henvisning til domstoloven under forutsetning av at domstoloven fikk nødvendig tilpasning til jordskifteretten.»

#### 7.4.3.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at jordskifterettsleiaren skal kunne tilkalle jordskiftedommarar til å styre saker. Dette er ei praktisk nyttig ordning for å kunne jamne ut kortvarige variasjonar i arbeidsmengda for jordskiftedommarane ved dei forskjellige jordskifterettane. Det skal vere same reglar for tingrettane og jordskifterettane på dette området. Departementet er samd med Domstoladministrasjonen (DA) i at det ikkje er behov for å ha eigne reglar om tilkallingsordning. Det er nok med ein tilvisingsregel.

Departementet meiner Tekna har ei treffande omtale av korleis tidsbruk og tal rettsmøte kan vere i enkelte jordskiftesaker. Departementet meiner at det ikkje ligg til rette for å jamne ut meir kortvarige forskjellar i jordskiftedommararbeidet ved å bruke tilkallingsordninga i slike omfattande saker. I denne samanheng vil departementet peike på at ein tilvisingsregel i utgangspunktet ikkje er til hinder for å tilpasse tilkallingsordninga til særpreget ved sakene for jordskifterett så lenge tilpassinga ligg innanfor det som er intensjonen med tilkallingsordninga.

Departementet meiner det ikkje er grunn til å følgje opp forslaget til Norges Bondelag om å flytte tilkallingsmyndigheit frå lagmannsretten til DA. Departementet kan ikkje sjå at det er grunn til å ha forskjellige reglar for tingrett og jordskifterett når det gjeld denne delen av tilkallingsordninga. Elles vil det nok vere slik at dersom behovet for ekstraordinær kapasitet som jordskiftedommar er stort, vil det òg vere behov for ekstra

løyvingar. Dermed kjem DA inn i arbeidet med å finne løysing på kapasitetsbehovet.

Departementet er samd med jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme om at det er ein fordel om tilkalla jordskiftedommarar som hovudregel kjem frå det lagdømmet jordskifteretten ligg i. Departementet viser likevel til at det frå tid til annan kan vere tenleg å kunne tilkalle jordskiftedommarar frå jordskiftesokn som ligg i nabolagdømme. I denne samanheng er det i det heile fleire praktiske omsyn som gjer at det er ein fordel med ein regel som opnar for fleksible løysingar. Departementet meiner domstollova § 19 andre ledd er fleksibel nok.

Departementet meiner at forslaget til arbeidsgruppa ikkje fullt ut fører vidare praksis etter gjeldande jordskiftelov når det gjeld oppnemning av jordskiftedommarar i den enkelte saka. Departementet viser til at det har blitt oppnemnt overingeniørar med allment løyve til å styre sak. Slik enkeltsaksoppnemning har i enkelte tilfelle vart lenger enn dei to åra som domstollova § 55 f opnar for. Departementet ser det slik at høyringsforslaget § 2-2 andre ledd om tilkalling gjeld for dei som allereie er embetsdommarar. Departementet meiner derfor at forslaget arbeidsgruppa har til tilkallingsordning på dette punktet er forskjellig frå den praksis som er etablert med heimel i gjeldande jordskiftelov.

Departementet er ikkje nøgd med praksis for saksoppnemnde jordskiftedommarar etter gjeldande jordskiftelov. Departementet meiner at ordninga i seg sjølv ikkje legg opp til så effektiv avvikling av saker som ein bør ha. Det er færre uheldige sider ved ordninga med fast dommar for fleire jordskiftesokn etter domstollova § 33 c andre ledd, enn med oppnemning av jordskifte-kandidat til dommar på enkeltsak som truleg vil vare meir enn to år.

Departementets forslag inneber at gjeldande jordskiftelov § 7 andre ledd siste punktum om oppnemning av jordskiftedommarar til å styre den enkelte saka for jordskifteretten skal erstattast av reglane i domstollova §§ 19 og 33 c.

#### 7.4.4 Jordskiftedommarfullmektigar

##### 7.4.4.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår ei fullmektigordning i jordskifterettane etter same mønster som for tingrettane. Avgrensa funksjons- og tilsettingstid og krav til særskilt fullmakt for å leie hovudforhandlingar og til å seie dom, er karakteristiske trekk ved ordninga med dommarfullmektigar i tingrett-

ane. I tillegg er det ei alminneleg oppfatning at dommarfullmektigstillinga er ei opplæringsstilling.

##### 7.4.4.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen (DA)* meiner at behovet for å kunne rekruttere nye jordskiftedommarar gjer det viktig at jordskiftedommarfullmektigane får mest mogleg sakserfaring slik at dei blir kvalifisert til stilling som jordskiftedommar. DA peiker på at høyringsforslaget inneber at oppgåvene heng saman med fullmakter som blir gitt i to etappar. Den generelle fullmakta ligg til sjølve stillinga. Kompetansen til å leie rettsmøte og til å ta avgjerder, krev ei særskilt fullmakt. Hausten 2009 gjennomførte DA ei intern utgreiing som viser at det i gjennomsnitt gikk 1,1 år frå tilsetting av jordskifte-kandidat, til allment løyve blei gitt. DA går inn for at den særskilte fullmakta skal bli gitt på eit langt tidlegare tidspunkt.

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme og Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner at ein kan erstatte reglane i andre ledd i § 2-3 i høyringsforslaget med ei tilvising til aktuelle reglar i kapittel 3 i domstollova. § 55 g er i så fall ein heilt sentral paragraf.

*Jordskiftedommarane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner fullmakta til jordskiftedommarfullmektigen er for snever når den er avgrensa til å leie rettsmøte eller seie dom. Dei meiner at utgangspunktet må vere at jordskiftedommarfullmektigen skal kunne styre sak etter jordskiftelova.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* skriv i si uttale til § 2-3 siste ledd i høyringsforslaget:

«Her bør det heller fremgå hva en jordskiftedommerfullmektig kan utføre, og ikke hva han ikke kan utføre.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* og *DA* meiner tittelen jordskiftedommarfullmektig gir betre forklaring på arbeidsoppgåvene som ligg til stillinga, enn jordskifte-kandidat med allment løyve. Jordskifteretten meiner tittelen er upraktisk lang, men har ikkje noko betre forslag.

*Den norske Dommerforening* er oppteken av kva for funksjon stillinga som jordskiftedommarfullmektig skal dekkje. Foreininga meiner at stillinga først og fremst skal vere ei opplæringsstilling som kan vere eit viktig bidrag til rekruttering av jordskiftedommarar. Foreininga peiker på at det er nødvendig med ein plan for opplæringa, og kva for sakstypar som jordskiftedommarfullmektig-

gen kan behandle. Dei nærare retningslinene for dette må vere på plass før ordninga kan setjast i verk. Foreininga er mot at ordninga med fullmektigar skal kunne brukast til å løyse eit varig behov for fleire jordskiftedommarar.

*Jernbaneverket* går inn for at jordskiftedommarfullmektigar skal kunne styre ekspropriasjonssaker og uttaler:

«Slik vi ser det er ekspropriasjonssaker som regel ikke mer komplekse enn andre sakstyper. Generelt vil det derfor ikke være grunn til å stille ekspropriasjonsskjønn i en særstilling når det gjelder jordskiftedommerfullmektigens dommerkompetanse. Vi mener det må være opp til jordskifterettens leder å vurdere forsvarligheten av om vedkommende fullmektig, i lys av vedkommendes kvalifikasjoner og sakens omfang og vanskelighetsgrad, er kompetent til å fungere.»

#### 7.4.4.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner dei same grunnleggjande omsyn bør gjelde for ordningane med fullmektig i jordskifterett og tingrett. Departementet foreslår endringar som dels gå fram av lovforslaget § 2-3 i jordskiftelova, og dels av domstollova §§ 55 g og 55 h.

Departementet er ikkje samd med jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme og Sør-Trøndelag jordskifterett i at det er nok med ei tilvising til domstollova § 23. Departementet meiner at det er ryddig å leggje til grunn at Domstoladministrasjonen (DA) skal kunne utarbeide ei forskrift som fastset i kva for tilfelle jordskiftedommarfullmektigen skal kunne få myndigheit. Dette samsvarar òg betre med den løysinga som finnst for dommarfullmektigar for tingretten. Departementet er samd med jordskiftedommarane i Eidsivating jordskiftedømme i at utgangspunktet må vere at jordskiftedommarfullmektigen kan styre sak etter jordskiftelova.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 2-3 tredje ledd.

Departementet meiner fungeringstida skal vere tre år med høve til eitt års forlenging. Etter gjeldande jordskiftelov varer fullmektigperioden eitt år lenger ved jordskifterett enn ved tingrett. Sidan arbeidsgruppa går inn for å føre vidare forskjellen i fungeringstid, er ikkje høyringsforslaget ei full harmonisering av fullmektigordningane ved dei to domstolane.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 9-7 endringar i andre lover nr. 1 domstollova § 55 g nytt andre ledd, og nytt tredje ledd nytt andre punktum.

Departementet er samd med Dommerforeninga og DA som begge – på noko forskjellig vis – peiker på at fullmektigordninga er viktig når det gjeld rekruttering av jordskiftedommarar.

Departementet meiner at talet på jordskiftedommarfullmektigar ikkje bør regulerast i lova. DA er den instansen som bør ta avgjerd om talet på jordskiftedommarfullmektigar og ved kva for jordskifterettar dei skal vere.

Departementet meiner tildelinga av fullmakt bør skje i to steg slik DA foreslår. Etter lovforslaget er det DA som har hand om forskrifta for fullmakta. Departementet meiner at dette gir DA tilstrekkeleg spelerom til å få til ei forsvarleg og rask tildeling av fullmakt.

Jordskiftedommarfullmektigen bør kunne behandle saker som jordskifterettsdommaren har kompetanse til. Departementet meiner at tidsavgrensinga i ordninga likevel vil føre til at jordskiftedommarfullmektigane ikkje får styre dei største og mest komplekse sakene. Departementet meiner det kan vere tenleg at leiaren av jordskifteretten kan tildele myndigheit til jordskiftedommarfullmektigen, og lova er ikkje til hinder for det. Departementet er samd med Jernbaneverket i at leiaren av jordskifteretten er den næraste til å kunne vurdere om jordskiftedommarfullmektigen har dei kvalifikasjonar som skal til, ut frå omfanget saka har og kor vanskeleg ho er. Ein følge av dette er at fullmakta må innehalde ei klar utsegn om at jordskiftedommarfullmektigen blant anna kan styre skjønn som eiga sak, sjå skjønnsprosesslova § 5 andre ledd.

Departementet går inn for å innføre tittelen jordskiftedommarfullmektig. Departementet er samd med Sør-Trøndelag jordskifterett i at tittelen er upraktisk lang, men tittelen er presis i høve til realitetane i ordninga.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 9-7 endringar i andre lover nr. 1 domstollova §§ 55 g og 55 h første punktum.

## 7.4.5 Teknisk personale

### 7.4.5.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår ei lovfesting av at jordskiftedomstolane skal ha nødvendig teknisk personale. Det er ei direkte oppfølging av mandatet til arbeidsgruppa.

#### 7.4.5.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen* kjem i si uttale med ei skildring av oppgåvene til det tekniske personalet i jordskiftedomstolane:

«I dag er det ca. 120 årsverk i jordskiftedomstolene som har teknisk bakgrunn. Deres innsats, bakgrunn og kunnskap er helt avgjørende for å få en effektiv og rasjonell saksbehandling i jordskiftedomstolene. Det tekniske personellet utreder saken for dommeren, utarbeider og presenterer de ulike alternativene for jordskifteløsning, bistår i verdsettingsarbeid, registrerer og måler inn grenser. I mange jordskifteretter er ingeniøren også en viktig aktør i rettsmeklingen mellom partene. Dette har man meget gode erfaringer med. Ingeniøren er videre den i jordskifteretten som kanskje er mest i dialog med partene gjennom registreringsarbeidet. Ingeniøren bidrar i stor grad, gjennom samtaler med partene, til å holde konfliktnivået i sakene på et minimum. Ingeniørens arbeid fører til effektive og rasjonelle prosesser i jordskiftedomstolene, både for partene og samfunnet. DA ønsker derfor å understreke viktigheten av at det tekniske arbeidet fremdeles må være en integrert del av jordskifteprosessen.»

I eit brev til departementet av 5. juni 2012 tek Domstoladministrasjonen opp spørsmålet om lovregulering av ordninga med landskonsulentar i jordskifterettane. DA viser til at det for tida er 8 slike landskonsulentar, som i første rekkje har ein fagleg og teknisk støttefunksjon for jordskifterettane. Ordninga gir jordskifterettane tilgang på spisskompetanse innan fagområde som den enkelte jordskifteretten vanskeleg kan halde seg oppdatert på til ei kvar tid. Dette gjeld skogfag, landmåling/GPS og GIS. Landskonsulentane er lokaliserte til fire ulike jordskifterettar kring i landet. Landskonsulentane er tilsette i den jordskifteretten der dei er lokaliserte, medan DA har det faglege ansvaret for arbeidet dei utfører. DA viser til at organiseringa, der arbeidsgjevaransvaret og fagansvaret er delt, skaper både arbeidsrettslege og organisatoriske utfordringar. Ordninga er òg evaluert av ei arbeidsgruppe, som mellom anna tilrår å føre vidare ordninga med landskonsulentar og at ein skal vurdere organisering og lokalisering. DA uttaler at ein førebels ikkje har teke stilling til tilrådingane, men at det framstår som nokså sikkert at ordninga med landskonsulentar bør halde fram. Ordninga bør òg forankrast i lov.

DA meiner lovforankringa bør gå fram av jordskiftelova, ikkje domstollova.

DA og *jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner at det òg må vere teknisk personale i lagmannsrettane, og at det må inn i første ledd i § 2-6 i høyringsforslaget. Indirekte seier *jordskifteoverrettane* og *jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* det same i sine utsegner om utdanningskravet til dette personalet, sjå nedanfor. I merkna-dene til dei enkelte paragrafane skriv jordskifteoverrettane:

«I første ledd andre setning står det at personale som skal utføre teknisk arbeid ved lagmannsretten bør ha same utdanning som jordskiftedommar. Det er viktig å vere klar over at dagens jordskifte-kandidatar har svært lite landmålings- og kartfag og at det ikkje er naturleg at desse utfører det tekniske arbeidet. Vi foreslår at paragrafen blir endra slik at det står at personalet bør ha relevant jordskiftefaglig utdanning. Valet av kva utdanning som vil passe best i dei enkelte tilfelle vil mellom anna avhenge av den administrative organiseringa av lagmannsretten etter den nye ankeordninga.»

*Jordskifteoverrettane* uttaler òg:

«Utkastet stadfestar og ingeniøren sin viktige rolle i jordskiftedomstolen. I saker der det er parallell kompetanse mellom jordskifterett og tingrett vil jordskifterettane ha ein fordel då partane kan få utført kartlegging, grensemerking og tinglysing i ei og same sak. Det er rasjonelt og partane sparar kostnader.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* viser til at jordskifterettane både har teknisk og kontoradministrativt personale som i utgangspunktet fell inn under omgrepet «anna personale». Dei meiner det tekniske personalet må nemnast og at det administrative kan nemnast i paragrafen. Dei skriv:

«Det er bra og naudsynt å lovfesta at jordskiftedomstolane skal ha teknisk personale.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* rår til at formuleringa «... i samband med saka ...» i høyringsforslaget § 2-6 første ledd første punktum strykast.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner at kravet til teknisk personale ved lag-

mannsrettane bør vere slik at det òg er rom for kandidatar med teknisk kompetanse.

*Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler seg slik om behovet for anna personale i lagmannsrettane:

«I og med at det er behov for kartfesting/innmåling i forbindelse med lagmannsrettens arbeid, bør derfor person med utdanning tilsvarende det tekniske personalet i jordskifterettene tilsettes i tillegg til utrederen. Uttrykket «utdanning som jordskiftedommer» er uheldig, vi foreslår noe i retning av «jordskiftefaglig utdanning som fyller kvalifikasjonskravene til jordskiftedommerstilling».

*Jernbaneverket* ser at det gjerne kunne ha stått slik i siste del av første ledd i § 2-6 i høyringsforslaget:

«...ha jordskiftefagleg utdanning slik som krava sett til jordskiftedommar jf. § 2-4»

#### 7.4.5.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at jordskifterettane skal ha teknisk personale, og at det skal gå fram av lova. Jordskifteoverrettane og jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme er positive til dette og ingen går mot det. Departementet legg vekt på at dette er ei lovfesting av lang praksis. Av omsyn til rettstryggleiken er det viktig at òg dette arbeidet blir gjort av eit personale som ikkje er arbeidsmessig bunden til andre enn domstolen.

Dette er nytt i høve til gjeldande jordskiftelov, men i samsvar med lang praksis.

Departementet legg til grunn at løysinga med landskonsulentar, som har spesialkompetanse innan område som byr på særlege faglege utfordringar, bør halde fram. Som Domstoladministrasjonen peiker på, gir ordninga jordskifterettane tilgang på spisskompetanse innan fagområde som den enkelte jordskifteretten vanskeleg kan halde seg oppdatert på til ei kvar tid. Fordi jordskifterettane er domstolar, bør eigne organ som skal tene domstolen med støttefunksjonar som dette vere forankra i lovverket. Departementet er samd med Domstoladministrasjonen i at lovforankringa bør gå fram av jordskiftelova, ikkje domstollova. Departementet meiner det bør liggje til Domstoladministrasjonen å organisere ordninga med landskonsulentar. Domstoladministrasjonen avgjer om eininga skal ha eigen leiar, og kva krav til kompetanse som skal stillast. Departementet meiner at det ikkje er hensiktsmessig å lovregulere oppgåvene til det tekniske personalet. På den måten får den enkelte jordskifterettsleiar spe-

lerom til å kunne bruke det tekniske personalet etter behov og ut frå kompetanse.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 2-3 andre ledd.

Departementet meiner òg at lagmannsrettane skal ha teknisk personale. Når jordskifteoverrettane blir slått saman med lagmannsrettane, følger dei tekniske oppgåvene med. Derfor må dei ha teknisk personale. Både Domstoladministrasjonen og jordskifterettane i Agder jordskiftedømme seier dette i sin høyringsuttale. Jordskifteoverdommarane, jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme og Sør-Trøndelag jordskifterett seier indirekte det same når dei omtalar krava til det tekniske personalet ved lagmannsrettane.

Departementet meiner at reglane om teknisk personale i lagmannsrettane skal vere i domstollova. Det er i den lova ein finn reglane om lagmannsrettane. Konkret foreslår departementet ein ny § 62 a i domstollova. Der kjem føresegna umiddelbart etter reglane om tenestemenn i domstolane.

Departementet er samd med jordskifteoverdommarane når det gjeld utdanningskrav til teknisk personale ved lagmannsrettane. Kva for utdanning som vil passe best i det enkelte tilfellet, vil mellom anna avhenge av den administrative organiseringa av lagmannsretten etter den nye ankeordninga. Departementet har merka seg at fleire høyringsinstansar er av same prinsipielle meining som jordskifteoverrettane.

Etter ei samla vurdering er departementet kome til at det ikkje er nødvendig å lovfeste noko utdanningskrav. Den enkelte lagmannsrett vil da stå fritt til å stille krav når den skal lyse ut ei slik stilling.

Departementet har vurdert om det er nødvendig å lovfeste at reglane i domstollova kapittel 6 om ugildskap gjeld for det tekniske personalet ved jordskifterett (og lagmannsrett). Domstollova gjeld ikkje direkte for teknisk personale i jordskifteretten. Departementet foreslår derfor i lovforslaget § 2-3 andre ledd andre punktum ein regel om at domstollova kapittel 6 skal gjelde for teknisk personale.

Departementet har merka seg at jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme meiner at òg det administrative personalet kan nemnast i jordskiftelova. Fordi reglane i domstollova gjeld for jordskifterettane, så er det full likebehandling av det administrative personalet ved jordskifterett og ved tingrett. Departementet kan ikkje sjå at det ligg føre særlege grunnar for å nemne det administrative personalet ved jordskifterettane i jordskiftelova.

## 7.4.6 Leing av jordskifterett

### 7.4.6.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare ordninga med jordskifterettsleiar. Gruppa foreslår òg å lovfeste praksisen om at jordskifterettsleiarane fordele sakene mellom dommarane ved retten.

Arbeidsgruppa foreslår at Domstoladministrasjonen kan bestemme at jordskifterett skal ha nestleiar. Gruppa foreslår dessutan å lovfeste praksis om kven som skal fungere som leiar i feriar og liknande.

### 7.4.6.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen (DA)* spør om det ikkje er godt nok med ei tilvising til domstollova § 19 tredje ledd når det gjeld leiarane sin rett til å fordele sakene mellom dommarane. DA har ikkje merknader til forslaget om nestleiar. DA har heller ikkje merknader til forslaget om fungeringsregel når leiar har forfall. I samband med planlagt revisjon av domstollova har DA rådd til at den lova endrast slik at det skal vere mogleg å oppnemne fast stadfortredar.

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommarane i Frostating jordskiftedømme* meiner det ikkje er nødvendig å ha ein regel om kven som skal fungere som leiar om jordskifterettsleiarane og eventuell nestleiar har forfall. Jernbaneverket er av same meinig. Dersom det skal vere ein slik regel, går det inn for slik ordlyd:

« ...skal den med lengst erfaring som jordskiftedommar gjere teneste om ikkje nokon annan er oppnemnt.»

*Jernbaneverket* meiner at det ikkje er behov for reglane om nestleiar. Jernbaneverket viser til at det går fram av høyringsdokumentet at dei fleste jordskifterettane er så små at det ikkje vil vere behov for nestleiar.

### 7.4.6.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at det ikkje er behov for detaljerte reglar om leing av jordskifterett i jordskiftelova. Det er nok å slå fast at jordskifteretten skal ha ein jordskifterettsleiar som òg skal vere jordskiftedommar. Det lovfestar både leiartittelen og kven som kan vere leiar.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 2-3 første ledd.

Departementet er samd med DA i at det ikkje er behov for ein eigen regel om fordeling av saker mellom jordskiftedommarane.

Departementet er òg samd med Jernbaneverket i at det ikkje er behov for reglar om nestleiar i jordskifterett i jordskiftelova. Departementet er vidare samd med jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommarane i Frostating jordskiftedømme og Jernbaneverket i at det heller ikkje er behov for egne reglar i jordskiftelova om fungering som leiar. Forslaget arbeidsgruppa har til reglar om nestleiar og tenestegjering som leiar ved forfall, er i all hovudsak regulering av interne tilhøve i jordskifteretten. Det er av heller lita interesse for partane i sakene, og departementet meiner at reglane om desse tilhøva i domstollova § 19 òg dekkjer behovet for jordskifteretten. Desse reglane gjeld for jordskifteretten, sjå lovforslaget § 2-2. Dette fører òg til fullgod harmonisering mellom tingrett og jordskifterett på området.

Lovforslaget inneheld ikkje føresegnar om nestleiar i jordskifterett. Lovforslaget inneheld heller ikkje noko om fungeringsordning for leiar.

## 7.5 Krav til jordskiftedommarane

### 7.5.1 Lovregulering av krav til dømmende personell

#### 7.5.1.1 Høyringsforslaget

Høyringsforslaget § 2-4 er ein eigen paragraf om kvalifikasjonskrav til jordskiftedommarane. Paragrafen inneheld krav til kva for utdanning dommarar i jordskifterett og jordskiftelagdommar skal ha, krav til alder for å kunne vere dommar og krav til kva for karakter dommarane skal ha.

I kapittel 7.5.1 i proposisjonen tek departementet opp behovet for krav til dømmende personell i seg sjølv. I kapittel 7.5.2 til 7.5.6 ser ein nærare på forskjellige sider ved det aktuelle og konkrete innhaldet i krava.

#### 7.5.1.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen (DA)* reiser spørsmål ved om § 2-4 i høyringsforslaget høyrer heime i jordskiftelova. Kan hende det er nok med ei tilvising til § 54 i domstollova. DA ber òg departementet om å vurdere om fullmakt til å fastsetje kvalifikasjonskrav bør leggast til DA. DA grunngrir dette med at DA har den nødvendige jordskiftedefaglege og juridiske kompetanse, og at DA har eit godt utvikla kontaktnett inn mot dei forskjellige universitetsmiljøa.



*Jordskiftedommarane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner krava bør vere prinsipielt like dei som domstollova inneheld for vanlege dommarar.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner at lova berre skal innehalde ein regel om krav til kvalifikasjonar. Den skal gå ut på at Kongen fastset utdanningskrava.

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommarane i Frostating jordskiftedømme* peiker på at det må gå klart fram at utdanningskrava til jordskiftedommar og gjeld for jordskiftedommarfullmektig.

*Samerettsgruppa ved det juridiske fakultet ved Universitetet i Tromsø* er samd i at det reelle innhaldet i utdanningskravet ikkje skal endrast, men presiserer at dette ikkje må stengje for andre kombinasjonar enn dagen si masterutdanning.

*Norske Reindriftsamers Landsforbund* uttaler seg òg om utdanning av jordskiftedommarar:

«Det må også foretas hensiktsmessige grep som sikrer rekruttering og utdanning av dommere til slike domstoler. Det må være en uttrykt målsetting å kunne rekruttere framtidige dommerkandidater fra reindriftsmiljø.»

### 7.5.1.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner det skal vere ein eigen paragraf om krav til jordskiftelagdommarar, jordskiftedommarar og jordskiftedommarfullmektigar i jordskiftelova. Departementet meiner det er nyttig å få fram at det dømmende personalet har ei utdanning på høgt nivå som er forskjellig frå dommarane ved tingrett.

Departementet meiner elles at fleire av dei meir konkrete krava til dømmende personell, bør vere dei same ved særdomstolen og ved dei alminnelege domstolane. Departementet meiner at denne harmoniseringa i praksis bør gjennomførast ved å unnlate å lage eigne reglar i jordskiftelova. Da gjeld reglane i domstollova òg for det dømmende personellet ved jordskifterettane.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 2-4.

## 7.5.2 Jordskiftefagleg utdanning

### 7.5.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at alle som blir tilsett i dommarstilling, skal ha jordskiftefagleg utdanning som skal fastsetjast av Kongen.

### 7.5.2.2 Høyringsinstansane

*Fylkesmannen i Hedmark* uttaler at kompetansen i jordskifterettane skal kunne bidra til å sikre gode og tenlege eigar- og rettstilhøve innan landbruket.

*Norges skogeierforbund* uttaler at:

«Jordskifterettens kompetanse er kritisk for at jordskifteordningen skal fungere. Norges Skogeierforbund mener derfor at det er viktig at partene kan kreve at retten settes med meddommere. Vår erfaring er at meddommere med sin praktiske tilnærming ofte kan bidra til å sikre gode resultater. Sett fra skogbrukets side har det vært en klar styrke for jordskifteretten at dommerne er jordskiftekanidater med landbruksfaglig grunnkunnskap. Selv om jordskifteretten etter hvert også blir tillagt oppgaver utenfor landbruket, oppfatter vi det som en svekkelse dersom dette kompetansekravet fjernes.»

*Norske Reindriftsamers Landsforbund (NRL)* ber om å få ein jordskifterett som er fagleg kompetent på rettstilhøva i reindrifta. NRL skriv:

«Dagens jordskifterett har etter vårt skjønn ikke nødvendig kompetanse til å kunne utføre dette arbeidet med påkrevet forutsigbarhet og rettssikkerhet.»

*Norske Samers Riksforbund* uttaler:

«... Jordskiftedomstolen må inneha adekvat kunnskap og kompetanse innen reindrift, samisk kultur og sedvane ...»

### 7.5.2.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at dommarane i ein særdomstol må ha reell fagleg kompetanse på eit høgt nivå i det som er oppgåvene og arbeidsmåtane til domstolen. Departementet meiner det er viktig å gjere dette synleg i jordskiftelova slik at partane enkelt kan få tilgang til dette.

Departementet meiner at erfaringane med utdanninga til jordskiftedommarane tilseier at det ikkje er nødvendig med nemnande endring. Departementet meiner at utdanninga må vere på mastergradsnivå. Utdanningsmonopolet som Norges Landbrukshøgskole hadde etter jordskiftelova § 7 blei oppheva ved ei lovendring i 2012, sjå Prop. 3 L (2012-2013) som er omtala under kapittel 7.5.5. Lovforslaget § 2-4 fører vidare denne løysinga.

Departementet foreslår at departementet skal ha heimel for å fastsetje fagkrinsen. Denne løysinga ligg til grunn for gjeldande reglar. Departementet kan leggje myndigheita til andre. Etter gjeldande reglar er myndigheita lagt til Domstoladministrasjonen.

### 7.5.3 Krav til karakternivå

#### 7.5.3.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at Kongen fastset karakterkrav for jordskiftelagdommar, jordskiftedommar og jordskiftedommarfullmektig.

#### 7.5.3.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen (DA)* går mot at det skal kunne fastsetjast karakterkrav til dommarar og fullmektigar. DA viser til at det ikkje er fastsett slike krav med heimel i gjeldande jordskiftelov. Ei avvikling av utdanningsmonopolet vil føre til at ein må vurdere kandidatar med ein breiare og meir variert utdanningsbakgrunn. Dette vil føre til at søkjarar både vil ha jordskiftefaglege relevante og ikkje relevante fagkarakterar. Da blir det spørsmål om kva for fag som skal telje med i ein gjennomsnittskarakter. Dette kan igjen gjere det vanskeleg å bruke ein gjennomsnittskarakter. Det byr òg på problem å finne eit tilfredsstillande gjennomsnitt for dei bokstavkarakterane som nå blir brukt.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* går mot at det skal vere krav til karakterar for jordskiftelagdommarar, jordskiftedommarar og jordskiftedommarfullmektigar i lova. Dersom dei blir lovfesta, bør det heller vere i domstollova.

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* tviler på om det er rett å innføre ufråvikeleg krav til snittkarakter. Saman med jordskifteoverrettane meiner dei at innstillingsråd og utnemningsmyndigheit bør kunne vurdere konkret om ein søkjar er kvalifisert, eller ikkje.

*Norges Bondelag* meiner derimot at eit krav til karakterar er eit gode, og skriv slik i si uttale:

«Saker for jordskifterett har ofte stor økonomisk og bruksmessig interesse for partene. Det er derfor viktig å ivareta de rettssikkerhetshensyn som sikrer en forsvarlig behandling av saken. Norges Bondelag mener på den bakgrunn at det bør lovfestes karakterkrav for jordskiftedommere og jordskiftelagdommere.»

#### 7.5.3.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner det ikkje er grunnlag for å lovfeste minstekrav til karakterar frå utdanninga til dei som skal gjere dommararbeid i jordskifterettane. Departementet viser til dei innvendingane mot dette som er komne i høyringane. Departementet viser vidare til at utnemning av jordskiftedommarar skjer etter ei grundig og velregulert saksbehandling. Departementet kan heller ikkje sjå at det er grunn til å reise tvil om det arbeidet som skjer i samband med tilsetting av jordskiftedommarfullmektigar.

Lovforslaget inneheld ikkje krav til karakterar frå utdanninga til dei som skal gjere dommararbeidet i jordskifterettane.

### 7.5.4 Krav til alder

#### 7.5.4.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår ein regel om at jordskiftelagdommar skal ha fylt 30 år, jordskiftedommar 25 år og jordskiftedommarfullmektig 21 år.

#### 7.5.4.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* meiner det er unødvendig med aldersgrense for jordskiftedommarfullmektigar. *Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme og jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* går òg mot at jordskiftelova skal ha ein regel om krav til alder. Dersom dette skal lovfestast, bør det vere i domstollova. *Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner tilvising til ei tilpassa domstollov er eit alternativ til å ha egne reglar om aldersgrenser i jordskiftelova.

*Jordskifteoverrettane* meiner det skal vere alderskrav til jordskiftedommar. Dei meiner at 21 år i praksis er umogleg for jordskiftedommarfullmektigar slik utdanninga av jordskifte kandidat er lagt opp.

#### 7.5.4.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner det ikkje er grunnlag for å ha egne føresegner i jordskiftelova om nedre aldersgrenser for dømmende personale ved jordskifterettane.

Departementet meiner likevel at det er nødvendig med eit alderskrav. Dei same omsyna som ligg til grunn for dommarar i dei alminnelege domstolane gjer seg òg gjeldande for dommarar i jordskifteretten og jordskiftelagdommarane.

Departementet foreslår at alderskravet skal gå fram av domstollova § 54 to nye punktum i andre og tredje ledd. Aldersgrensene i forslaget er dei same som for dømande personell ved tingrettane og lagmannsrettane.

## 7.5.5 Oppheving av utdanningsmonopol

### 7.5.5.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å oppheve det gjeldande lovfesta kravet til ei spesiell utdanning ved Universitetet for Miljø- og Biovitenskap (UMB). Forslaget arbeidsgruppa har går fram av høyringsforslaget § 2-4.

### 7.5.5.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen* stør forslaget om å fjerne utdanningsmonopolet til UMB:

«Det utdannes i dag for få kandidater til å dekke de reelle behov etter denne typen utdanning i arbeidslivet. Dagens rekrutteringssituasjon, særlig til dommerembetene, tilsier at dette er en viktig endring. Oppheving av monopolet vil også innebære at man kan rekruttere kandidater med en annen fagbakgrunn, som på sikt vil styrke jordskiftedomstolenes samlede kompetanse. Fjerning av monopolet krever imidlertid en tettere dialog med aktuelle utdanningsinstitusjoner for å sikre at det utvikles en tilfredsstillende fagkombinasjon for fremtidige jordskiftedommere.»

*Jordskifteoverrettane og jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* er positive til forslaget om å oppheve utdanningsmonopolet. Jordskifteoverrettane viser til at dei er kjent med at det blir arbeidd med planar om ei alternativ utdanning i eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen og Høgskolen i Bergen. Jordskifteoverrettane skriv:

«Jordskiftefagmiljøet er lite og sårbart. Det er nå eit generasjonsskifte på UMB og ein ser av utviklinga at jordskiftefagmiljøet gradvis har blitt svekka både innanfor undervisning og forskning. Uavhengig av korleis lova blir til slutt må ein i større grad enn i dag få til eit samarbeid mellom jordskiftedomstolane og undervisningsinstitusjonane.»

*Samerettsgruppa ved det juridiske fakultet ved Universitetet i Tromsø og Avdeling for ingeniørutdanning ved Høgskolen i Bergen* stør forslaget om å

oppheve det lovfesta kravet til ei spesiell utdanning ved UMB.

### 7.5.5.3 Departementets vurderingar

Departementet viser her til Prop. 3 L (2012-2013) om endringar i jordskifteloven, som blei behandla av Stortinget 4. desember 2012, jf. Innst. 83 L (2012-2013). Det blei da gjort ei endring i gjeldande jordskiftelov § 7 femte ledd slik at utdanningsmonopolet ved Universitetet for miljø- og biovitenskap blei oppheva. Sjå om grunngevinga for dette i Prop. 3 L (2012-2013).

I innstillinga (Innst. 83 L (2012-2013)) sa komiteen mellom anna følgjande:

«Komiteen forutsetter at de utdanningsinstitusjoner som tilbyr denne type utdanning i fremtiden etter denne lovendring, innretter utdanningen på en slik måte at innholdet i utdanningen er overførbart mellom de ulike utdanningsinstitusjoner i tilfelle studenter velger å bytte mellom utdanningsinstitusjoner under utdanningsløpet.»

Departementet viser til proposisjonen, innstillinga og lovvedtaket i Stortinget. Endringa først vidare i lovforslaget § 2-4. Føresetnaden frå komiteen er teken opp med Domstoladministrasjonen i eige brev.

Når det gjeld jordskiftelagdommar, går dette fram av forslaget til nytt andre punktum i domstollova § 54 andre ledd, der det blir vist til føresegna i § 2-4.

## 7.5.6 Samisk språk og kultur

### 7.5.6.1 Høyringsforslaget

Høyringsforslaget inneheld ikkje noko eksplisitt om samisk språk og kultur.

### 7.5.6.2 Høyringsinstansane

*Samerettsgruppa ved det juridiske fakultet ved Universitetet i Tromsø og Norske Reindriftsamers Landsforbund* meiner at omsynet til samisk språk og kultur må styrkast i sjølve lova. I den samanheng skriv fakultet mellom anna dette:

«I følge Grunnloven § 110 a har statlige myndigheter et ansvar for «at lægge Forholdene til Rette for at den samiske Folkegruppe kan sikre og utvikle sit Sprog, sin Kultur og sit Samfundsliv».»

Samerettsgruppa skriv òg:

«For jordskiftedomstolene har ikke grunnlovsbestemmelsen blitt fulgt opp i nevbar grad. For å synliggjøre og lette oppfølgingen av ansvaret, bør det derfor inntas en lovbestemmelse som fastslår dette ansvaret i jordskifteloven. Det kan gjøres som en tilføyning i utkastet § 2-4 eller i en egen paragraf i kapittel 2. Det vil da også sikre at ansvaret i større grad følges opp i utdanningen av framtidige jordskiftedommere.»

### 7.5.6.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at det er viktig at jordskifterettane har innsikt i samisk kultur og samisk oppfatning av eigedomsrett og bruksrett.

Departementet legg til grunn at jordskifterettane følgjer dei alminnelege reglane for domstolane når det gjeld språk. Det følgjer òg av at domstollova gjeld, jf. lovforslaget § 2-2.

Departementet viser elles til det som er sagt i kapitla 2.3 og 8.6 når det gjeld den vidare oppfølginga av spørsmål knytt til samisk kultur, sedvane og rettsforståing.

## 7.6 Utval av jordskiftemeddommarar

### 7.6.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at det skal vere eitt utval for saker for jordskifterett i kvar kommune. Høyringsforslaget har ikkje reglar for meddommarar i lagmannsrett.

### 7.6.2 Høyringsinstansane

Det er berre jordskiftedomstolane som uttaler seg om dette. Med unntak for jordskifteoverrettane går alle inn for at det skal vere eit felles utval for jordskiftemeddommarar og skjønnsmedlemmer.

*Jordskifteoverrettane* meiner at det bør vere eit eige utval for jordskiftemeddommarar i kvar kommune. Dei skriv:

«Vi er kjent med at mange ynskjer å slå saman dette utvalet med skjønnsmannsutvalet. Sistnevnte er eit utval valgt av fylkestinget med relativt få representantar frå kvar kommune. Vi meiner det er betre med eit eige jordskiftemeddommarutval. Då kan jordskifterettsleiaren fremje sine ynskjer direkte til kommunen både når det gjeld talet på meddommarar, kompetansekrav m.v.»

Dei som går inn for felles utval, har noko forskjellig syn på korleis det bør vere og kvifor dette er beste løysing. *Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner at utvalet for saker for jordskifterett skal utgjere fellesutvalet. *Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* viser til at eit felles utval ville gi ei monaleg forenkling av lovreglane om bruk av meddommarar. *Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner òg det vil gi enklare reglar og dermed mindre risiko for saksbehandlingsfeil. Dersom det framleis skal vere to utval, meiner jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme at ein bør lovfeste at dei kommunen foreslår som medlemmer i utvalet for skjønn, skal veljast inn i meddommarutvalet for jordskifterett. I så fall meiner jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme at ein kan stryke tredje ledd i § 2-9 høyringsforslaget.

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommarane i Frostating jordskiftedømme* kjem med denne uttalen:

«Vi er klar over at dette vil krevje nye reglar for oppnemning av skjønns-/meddommar- utvalet, men finn likevel så store fordelar med eit felles utval at dette må vurderast nøye. Det felles utvalet må vere større enn dagens skjønnsmannsutval og betydeleg mindre enn noverande meddommarutval. Utvalet må ha medlemmer med relevant kompetanse for både rettslege skjønn og rettsendrande jordskiftarbeid. Eit felles utval vil sikre at lagmannsretten kan velje kompetente meddommarar ved ankebehandling, jfr. § 8-2.»

### 7.6.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner det er nødvendig med ei anna løysing i lova enn den arbeidsgruppa foreslår. Departementet meiner det bør vere eitt særskilt utval av jordskiftemeddommarar i kvart jordskiftesokn. Dette er nytt i høve til gjeldande jordskiftelov § 8 der utvalet høyrer til kvar kommune. Etter det departementet kjenner til, er det heller sjeldan at alle jordskiftemeddommarane i dei kommunale utvala blir brukt i løpet av valperioden. Det er vel knapt nokon hensikt i å velje folk inn i fagleg kvalifisert utval når det er såpass stor sjanse for at dei ikkje vil bli brukt. Departementet meiner at eit særskilt utval av jordskiftemeddommarar i kvart jordskiftesokn legg til rette for ein meir aktiv bruk av dei som er i utvala. Departementet meiner at det skal vere pårekneleg at alle i utvalet skal gjere teneste i jordskifteretten i løpet av valperioden.

Departementet er samd med jordskifteoverrettane i at det må vere eigne utval av jordskiftemeddommarar. På den måten kan ein sikre at jordskiftemeddommarane har dei kvalifikasjonane dei bør ha, når dei skal vere ein del av retten i ein særdomstol. I § 8 i gjeldande jordskiftelov er det eit krav om at dei som er med i utvalet, skal vere kunnige i saker jordskifteretten til vanleg har. Arbeidsgruppa fører vidare dette kravet i høyringsforslaget § 2-7. I prinsippet er dette same krav som ein finn i skjønnsprosesslova § 14. Departementet legg stor vekt på at meddommarane skal vere kunnige.

Departementet meiner at omsynet til likestilling mellom kjønna er viktig òg når det gjeld samansetjinga av utvalet for jordskiftemeddommarar. Derfor inneheld lovforslaget § 2-5 andre ledd ei føresegn om at alle kommunar i jordskiftesoknet skal peike ut minst ein medlem av kvart kjønn til utvalet, og alltid like mange av kvart kjønn. Dermed skulle sjølve utvalet av jordskiftemeddommarar leggje til rette for likestilling mellom kjønna.

Departementet meiner at alle kommunane i jordskiftesoknet skal vere representerte i utvalet av jordskiftemeddommarar. Leiaren av jordskifteretten fastset kor mange som skal sitje i utvalet frå kvar kommune. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 8 tredje punktum.

Departementet har merka seg at mange av jordskiftedomstolane går inn for å slå saman utvalet av jordskiftedommarar og utvalet av skjønnsmedlemmer. Departementet er samd i at dette ville gi enkle og greie reglar om meddommarar uansett kva for sakstype jordskifteretten skal behandle. Departementet gjer likevel ikkje framlegg om ei slik løysing. Departementet viser til at utvalet av skjønnsmedlemmer òg gjeld for andre skjønns enn dei som går for jordskifterett. Departementet viser òg til at lovforslaget mest truleg vil føre til at jordskifterettane held nokre fleire skjønns. Da vil det vere nærliggjande å stille noko meir like krav til medlemmane i utvalet av jordskiftemeddommarar og i utvalet av skjønnsmedlemmer. I tråd med dette er departementet samd med arbeidsgruppa i at medlemmane av skjønnsutvalet ikkje skal vere fritekne for å vere med i jordskiftemeddommarutvala.

Departementets forslag går fram av § 2-5 i lovforslaget.

## 7.7 Samansetjing av jordskifteretten i den enkelte sak

### 7.7.1 Jordskiftedommaren som einedommar

#### 7.7.1.1 Høyringsforslaget

Jordskiftedommaren som einedommar er hovudregelen i forslaget til arbeidsgruppa, jf. høyringsforslaget § 2-8. I gjeldande jordskiftelov § 9 er hovudregelen at jordskifteretten skal setjast med ein jordskiftedommar og to meddommarar. Unntaksføresegnene om bruk av jordskiftemeddommarar finn ein i høyringsforslaget § 2-8 første og andre ledd.

Dette er eit forslag til endring som rører ved prinsippet om bruk av leddommarar i norske domstolar.

#### 7.7.1.2 Høyringsinstansane

*Jordskifteoverrettane* viser til at leddommarprinsippet er eit sentralt grunnprinsipp i sivilprosess. Dei er skeptiske til å svekkje leddommarinnslaget i jordskifteretten. Dei ordlegg seg slik:

«Vår erfaring er at fleire og fleire saker blir styrt av jordskiftedommaren som einedommar. Dette gjeld særleg i rettsfastsetjande saker. I dei rettsendrande sakene blir retten oftast sett med meddommarar, men vi ser og her ei utvikling mot fleire einedommar-saker. Den endringa som er foreslått vil forsterke denne utviklinga og det må ikkje bli slik at retten blir satt utan meddommarar på grunn av at fagdommaren synest det då blir enklare å administrera. Meddommarar har ei viktig rolle i jordskiftesaker.»

*Fylkesmannen i Hordaland, Jernbaneverket, jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme og Sør-Trøndelag jordskifterett* stør forslaget om at hovudregelen skal vere jordskiftedommaren som einedommar. Sør-Trøndelag jordskifterett grunngrir synet sitt slik:

«Det tilsvarende en praksis som allerede langt på veg er gjeldende og samsvarer med hvordan retten settes i tingretten.»

*Norges Jordskifte kandidatforening* ser det som positivt at ein søker å effektivisere saksbehandlinga med auka bruk av einedommar. Foreininga grunngrir standpunkt sitt slik:

«Det legges vekt på at partene skal kunne være sjølprosederende i jordskifteretten. Mange parter er fremmede for å kunne legge fram sin sak/syn skriftlig eller forholde seg til skriftlige meddelelser frå en domstol. Det kan vise seg ved befarung at en god del saker er enklere enn kravformuleringen skulle tilsi og kan løses mer smidig, effektivt og billigere med jordskiftedommeren som enedommer.»

*Justisdepartementet* stør òg forslaget om at utgangspunktet og hovudregelen skal vere at jordskiftedommeren er einedommar. Justisdepartementet viser til at det kan bidra til at formålet i høyringsforslaget § 1-1 andre ledd takast betre vare på fordi jordskiftedommeren og partane oftare må foreta ei konkret vurdering av behovet for jordskiftedommarar.

#### 7.7.1.3 *Departementets vurderingar*

Departementet meiner at hovudregelen skal vere at jordskiftedommeren er einedommar.

Departementet er samd med jordskifteoverrettane i at prinsippet om lekdommarar er viktig. Departementet har likevel merka seg at tyngda av dei høyringsinstansane som uttaler seg om dette temaet, stør forslaget arbeidsgruppa har om at hovudregelen skal vere at jordskiftedommeren er einedommar. Departementet meiner at hovudregelen om einedommar er ei harmonisering sett i høve til sivile saker for tingrett. Einedommar høver godt for mange av dei rettsfastsetjande sakene for jordskifterett. Når hovudregelen blir slik, unngår ein å få med meddommarar dersom partane ikkje har eit særleg ønske om å ha med meddommarar. Ingen treng krevje eit unntak slik ein må etter gjeldande rett. Departementet ser hovudregelen om einedommar som ein måte å nærme seg småkravprosessen på. I dei rettsendrande sakene er det vanskeleg å innføre ei verdigrænse. Arbeidsgruppa fann det derfor meir hensiktsmessig å sjå etter andre måtar å implementere dei grunnleggjande ideane bak småkravprosessen. Jordskiftedommeren som einedommar er eitt eksempel på dette. Departementet sluttar seg til argumentasjonen til arbeidsgruppa for denne hovudregelen.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 2-6 første ledd.

### 7.7.2 **Bruk av jordskiftedommarar**

#### 7.7.2.1 *Høyringsforslaget*

Arbeidsgruppa foreslår at jordskifteretten skal setjast med to jordskiftedommarar dersom ein part krev det, eller jordskiftedommeren meiner det er nødvendig av omsyn til ei forsvarleg behandling av saka.

#### 7.7.2.2 *Høyringsinstansane*

Høyringsinstansane omtalar bruk av jordskiftedommarar og hovudregelen om jordskiftedommeren som einedommar under eitt. Departementet viser derfor til omtalen av synet som høyringsinstansane har i kapittel 7.7.1.2 ovanfor.

#### 7.7.2.3 *Departementets vurderingar*

Departementet meiner at omsynet til prinsippet om lekdommarar er teke vare på på ein forsvarleg måte når det er nok at ein part krev jordskiftedommarar eller jordskiftedommeren bestemmer at dei skal vere med i retten. Departementet meiner at det er liten risiko for at innslaget av lekdommarar skal bli for lågt i høve til det synet som ligg til grunn for tvistelova.

Etter lovforslaget § 6-20 kan retten avslutte ei sak for ein del av det området saka gjeld. Det heiter òg at kvar del som blir avslutta for seg, reknast som ei eiga sak. Da må det òg vere mogleg å ta stilling til samansetjinga av jordskifteretten på nytt. I slike situasjonar kan altså den attverande delen av saka gå med jordskiftedommeren som einedommar sjølv om det var jordskiftedommarar med i retten i den delen av saka som er avslutta. Det omvende kan òg vere tilfellet.

Departementet har merka seg at det ikkje er nokon som uttaler seg om det å føre vidare regelen om at ein part kan krevje jordskiftedommarar.

Departementet meiner at det ikkje skal vere nokon tvil om at jordskiftedommeren kan avgjere at det skal vere meddommarar i saka.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 2-6 andre ledd.

### 7.7.3 **Frist for å ta stilling til bruk av jordskiftedommarar**

#### 7.7.3.1 *Høyringsforslaget*

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 2-8 siste ledd at jordskiftedommeren skal setje frist for å krevje jordskiftedommarar. Avgjerda om

bruk av jordskiftemeddommarar må takast før innkalling til første rettsmøte.

#### 7.7.3.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme og jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* hevdar at det ikkje er nødvendig å lovfeste ein fristregel.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler at det kan vere lite formålstenleg å ta avgjerd om talet på meddommarar før innkalling til første rettsmøte. Det første rettsmøtet kan vere førebunde. *Jernbaneverket* er samd i dette. *Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner at det heller ikkje er sikkert at jordskiftedommaren har nok oversikt over saka til å kunne ta avgjerd om meddommarar på eit så tidleg stadium i saka. Utan fristregel kan jordskiftedommaren oppnemne meddommarar undervegs i saka. Desse jordskifterettane meiner det er negativt for rettstryggleiken å vere avskoren frå dette.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner det er nok at det står i lova at jordskiftedommaren set frist for å krevje meddommarar. Dei går inn for å stryke siste punktum i § 2-8 i høyringsforslaget. *Domstoladministrasjonen (DA)* går òg inn for å stryke dette punktumet. DA stiller spørsmål ved om det er ønskeleg ut frå omsynet til rettstryggleiken at det skal setjast ein absolutt frist for oppnemning av jordskiftemeddommarar.

#### 7.7.3.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner det ikkje er grunnlag for å innføre ein frist for å kunne krevje jordskiftemeddommarar. Departementet er samd med dei høyringsinstansane som peiker på at det er eit rettstryggleiksgode å kunne utvide jordskifteretten med meddommarar når det under behandlinga av saka måtte oppstå eit behov for det. Dette er òg i samsvar med lekdommarprinsippet, sjå ovanfor under punkt 7.7.1.3.

Lovforslaget inneheld ikkje nokon regel som set frist for å krevje jordskiftemeddommarar.

### 7.7.4 Fleire enn to jordskiftemeddommarar

#### 7.7.4.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at det skal vere fire meddommarar i tiltaks- og vernejordskifte. Arbeids-

gruppa foreslår òg å redusere det maksimale talet på jordskiftemeddommarar frå seks til fire.

#### 7.7.4.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme og jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* meiner at hovudregelen om to meddommarar må gjelde i tiltaks- og vernejordskifte.

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* meiner det bør vere mogleg å kunne utvide til fire meddommarar. Om dette skriv *Sør-Trøndelag jordskifterett*:

«Vi ser ikke grunn til at tiltaks- og vernejordskifter må settes med fire meddommere i utgangspunktet. I enkle saker bør det være anledning til å følge normalen som er enedommer eller evt. to meddommere.»

#### 7.7.4.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at øvre tal jordskiftemeddommarar i ei sak skal vere fire. Ingen høyringsinstansar går mot dette.

Departementet er samd med dei to høyringsinstansane som hevdar at jordskifteretten i tiltaks- og vernejordskifte i utgangspunktet skal setjast med to jordskiftemeddommarar. Departementet meiner at det i slike saker regelmessig vil vere behov for skjønsmessige vurderingar. Derfor skal ikkje slike saker kunne gå utan jordskiftemeddommarar.

Departementet viser til at slike saker kan variere frå det små og enkle, til det omfattande og kompliserte. Departementet meiner det skal vere mogleg å utvide til fire meddommarar i slike saker. Departementet meiner at vilkåra for dette bør vere dei same som for utviding frå einedommar til meddommarar. Da blir det slik at ein part kan krevje fire meddommarar og jordskiftedommaren kan bestemme at det skal vere fire meddommarar. Departementet meiner at dette er fleksibelt og i godt samsvar med omsynet til lekdommarprinsippet. Departementet meiner at det er vesentleg meir å hente frå lekdommarsida ved å utvide frå to til fire meddommarar enn frå fire til seks. Fire meddommarar vil i praksis dekkje breidda i dei behova for kompetanse som saka reiser.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 2-6 tredje ledd.

### 7.7.5 Samansetjinga av jordskifteretten ved behandling av saker etter lovforslaget §§ 5-1 til 5-3 (skjønn og andre avgjerder i samband med sak for jordskifterett)

#### 7.7.5.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at reglane om saksbehandling i kapittel 6 i høyringsforslaget skal gjelde for skjønn i samband med jordskifte. Arbeidsgruppa foreslår òg at når kapittel 6 i høyringsforslaget ikkje har reglar om samansetjinga av retten, skal skjønnsprosesslova gjelde. Korkje i kapittel 6 eller i andre delar av høyringsforslaget er det reglar om samansetjinga av retten ved behandling av skjønn i samband med sak for jordskifterett.

#### 7.7.5.2 Høyringsinstansane

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* er bekymra over at høyringsforslaget kan føre til at det kan bli urimeleg mange meddommarar i skjønn i samband med sak for jordskifterett i høve til i resten av saka. Dei skriv:

«Etter skjønnsprosesslovens § 11 skal skjønn settes med 4 skjønnsmedlemmer, alternativt 2 dersom en av partene krever det og skjønnsbestyreren finner det ubetenkelig. Loven hjemler ikke at skjønn, selv ikke de enkleste, settes med dommeren alene. Etter § 2-8 i forslaget til ny jordskiftelov skal jordskifteretten som hovedregel settes med jordskiftedommeren som enedommer. I praksis medfører dette at en stor og komplisert jordskiftesak kan settes med enedommer. Skjønn i forhold av mindre betydning må derimot settes med minst 2 skjønnsmedlemmer, f. eks. skjønn etter beiteloven fordi en sau har spist tulipaner i en villahage. Etter det vi kan se forhindrer ikke lovforslaget slik ufornuftig sammensetning av retten.»

Med noko forskjell i ordval og i noko forskjellig grad gir jordskifterettane i *Agder jordskiftedømme*, *jordskifteleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme*, *Sør-Trøndelag jordskifterett* og *DA* uttrykk for same syn som jordskiftedommarane i *Gulating jordskiftedømme*.

#### 7.7.5.3 Departementets vurderingar

Samansetjinga av jordskifteretten er omtala i kapittel 7.7.1, 7.7.2 og 7.7.4. Hovudregelen er at

jordskiftedommaren er einedommar. Dersom ein part krev det, eller jordskiftedommaren meiner det trengst, skal retten setjast med to jordskiftemeddommarar. Lovforslaget § 5-7 fastset at kapittel 2 i lovforslaget skal gjelde for skjønn og andre avgjerder i samband med sak for jordskifterett.

Departementet er samd med dei høyringsinstansane som har uttalt seg i at det fort kan bli altfor mange meddommarar i ei sak som gjeld skjønn og andre avgjerder i samband med jordskifte dersom slike saker skal følgje reglane i skjønnsprosesslova. I nokre høve kan spørsmålet om skjønn kome opp etter at arbeidet med saka har starta, og ulike reglar om samansetjing av retten kan gjere det vanskeleg å behandle både jordskifte og skjønn i same sakskompleks. Det er uheldig. I tillegg kan saka vere lita, slik at det er fordyrande og lite effektivt å leggje opp til ei løysing som krev mange meddommarar.

Departementet foreslår difor at hovudregelen for samansetjing av retten i jordskiftesaka òg bør gjelde for skjønn og andre avgjerder i samband med jordskiftesaka. Sjå lovforslaget § 2-6 første og andre ledd. Departementet meiner at jordskiftedommaren har spesialkompetanse som gjer at han i mange høve kan gjere dei vurderingane som ligg til meddommarane i saker etter skjønnsprosesslova. Særleg dei skjønna og dei avgjerdene jordskifteretten kan ta etter lovforslaget kapittel 5 i samband med sak for jordskifterett, har likskap med fleire av dei vurderingane retten gjer i eit jordskifte. Verdsetjinga for byte av areal og rettar er kanskje det mest nærliggjande eksempelet, men òg taksering av skog og anna som følgjer grunnen ved byte av teigar, er aktuelle eksempel. Sjølv om eksemplet om ein sau og nokre tulipanar kan vere ei spissformulering, er det ikkje upraktisk med ein kombinasjon av store og krevjande jordskifte og enkle og oversiktlege skjønn i samband med slike jordskifte. Departementet meiner òg at det vil vere slik at jordskiftedommarar har god fagleg innsikt i dei sakene jordskifterettane vil behandle etter kapittel 5 i samband med sak for jordskifterett.

Løysinga departementet foreslår inneber at dersom ein part krev det, eller om jordskiftedommaren meiner det trengst, kan retten setjast med to jordskiftemeddommarar. Dette betyr at partane kan velje å utvide retten dersom dei meiner det er ønskjeleg. Jordskiftedommaren kan òg gjere dette om han meiner det trengst, for eksempel i større eller vanskelege saker. Departementet legg til grunn at følgjen av denne regelen vil vere at det i saker som gjeld skjønn og andre avgjerder i sam-



band med sak for jordskifterett oftast vil vere ein jordskiftedommar og to jordskiftemeddommarar.

Løysinga fører elles til at sjølv om spørsmåla om skjønn og andre avgjerder etter kapittel 5 kjem opp mot slutten av jordskiftet, vil saka kunne førast vidare med den samansetjinga som er vald. Dersom saka har gått med to jordskiftemeddommarar, vil dei ha innsikt i jordskiftet og det vil vere prosessøkonomisk at dei òg deltar som meddommarar i skjønnet. Departementet kan ikkje sjå at det kan vere noko særleg å vinne ved å skifte ut jordskiftemeddommarane til fordel for to frå utvalet av skjønnsmedlemmer.

Med dette meiner departementet at jordskiftelova har tilstekteleg fleksible reglar for samansetjinga av jordskifteretten.

Departementet foreslår i kapittel 7.7.4.3 og i lovforslaget § 2-6 tredje ledd egne reglar om samansetjinga av retten i tiltaks- og vernejordskifte. I slike høve skal retten setjast med to jordskiftemeddommarar. Dersom ein part krev det eller jordskiftedommaren meiner det trengst, skal retten setjast med fire jordskiftemeddommarar. Samansetjinga ved skjønn og andre avgjerder i samband med slike saker må følgje denne regelen.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 2-6 første til tredje ledd og kapittel 5.

### **7.7.6 Varajordskiftemeddommar og varajordskiftedommar kan følgje saka**

#### *7.7.6.1 Høyringsforslaget*

Arbeidsgruppa foreslår å gi jordskiftedommaren heimel til å fastsetje at inntil to varajordskiftemeddommarar og ein varajordskiftedommar skal følgje forhandlingane for å ta sete i jordskifteretten ved forfall. Vilåret er at saka er vidløftig.

#### *7.7.6.2 Høyringsinstansane*

Ingen høyringsinstans ytrar seg om dette.

#### *7.7.6.3 Departementets vurderingar*

Departementet meiner at jordskifteleiaren skal kunne bestemme at ein eller to varameddommarar og ein varajordskiftedommar kan følgje forhandlingane i visse saker. I høyringsforslaget er avgjerda av dette lagt til jordskiftedommaren. Departementet meiner det er ei avgjerd som skal liggje til jordskifterettsleiaren. Det er i samsvar med domstollova § 21 som elles er grunnlaget for at denne ordninga er i bruk.

Det er eit særmerke ved jordskifte at samansetjinga av jordskifteretten kan endrast i tida som går frå saka tar til, og fram til ho avsluttast. Regelen om at ekstra meddommarar og jordskiftedommarar kan følgje saka, er eit verkemiddel retta mot at utskifting i samansetjinga i jordskifteretten skal få unødig uheldige følgjer. Departementet meiner at det ikkje vil by på nemnande problem å avgjere kva for saker som er så omfattande at dette er aktuelt.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 2-6 fjerde ledd. I dette leddet blir ordet «omfattande» brukt i staden for ordet «vidløftig» som er brukt i domstollova § 21 andre ledd. Dette er gjort av språklege grunnar.

### **7.7.7 Skjønn som eiga sak etter §§ 5-4 og 5-5 kan ikkje utvidast til å omfatte sak etter kapittel 3**

#### *7.7.7.1 Høyringsforslaget*

Arbeidsgruppa foreslår at saker for jordskifterett skal gå med meddommarar frå utvalet for saker for jordskifterett. Unntaket er sak etter kapittel 5 i høyringsforslaget som går som eiga sak. Der skal meddommarane hentast frå utvalet av skjønnsmedlemmer. Arbeidsgruppa har òg med ein regel som skal gjelde dersom det blir slik at ei sak etter kapittel 5 blir utvida til å omfatte noko meir som jordskifteretten kan behandle. I så fall kan jordskifteretten halde den sistnemnde delen med dei meddommarane som er oppnemnde, eller jordskiftedommaren kan ta utvidinga som einedommar.

Arbeidsgruppa går i realiteten òg inn for at dei som blir vald inn i utvalet for skjønnsmedlemmer, òg skal veljast inn i utvalet for meddommarar for jordskifterett, men det kom ikkje direkte fram i nokon av dei aktuelle paragrafane i høyringsforslaget.

Forslaget til arbeidsgruppa går fram av § 2-9 i høyringsforslaget.

#### *7.7.7.2 Høyringsinstansane*

*Jordskifteoverdommarane og Domstoladministrasjonen (DA)* peikar på at høyringsforslaget legg opp til at det skal vere mogleg å veksle mellom skjønn og jordskifte kva gjeld samansetjinga av retten utan at det skal vere nødvendig å starte opp saka heilt på nytt. Dei meiner at § 2-9 i høyringsforslaget ikkje regulerer dei situasjonane der ei jordskiftesak blir endra til å vere ei sak etter kapit-

tel 5 i høyringsforslaget. DA etterspør ei regulering av dette.

Jordskifteoverdommarane går inn for denne løysinga:

«Vi meiner det bør vurderast ei ordning der jordskifteretten i alle saker, også i dei reine skjønn, oppnemner både meddommarar og skjønnsmenn frå utvalet av jordskiftemeddommarar. Det vil då vere langt enklare å kunne skifte mellom jordskifte og skjønn, t.d. fordi dei materielle vilkåra for å setje i gang eit jordskifte ikkje er oppfylt og rekvirenten heller ynskjer spørsmålet løyst ved skjønn.»

#### 7.7.7.3 Departementets vurderingar

Departementet er ikkje samd med jordskifteoverdommarane i at jordskifteretten skal setjast med meddommarar frå utvalet for saker for jordskifteretten i skjønn som går som sjølvstendig sak etter § 5-4 i lovforslaget. Både etter høyringsforslaget og etter lovforslaget skal slike skjønn gå etter skjønnsprosesslova. Det må òg gjelde for bruken av skjønnsmedlemmer. Forskjellen mellom slike skjønn for tingrett og jordskifterett, vil berre bli kven som styrer skjønnet.

Hovudregelen ved rettsleg skjønn er fire skjønnsmedlemmer. Hovudregelen ved sak etter kapittel 3 i lovforslaget er jordskiftedommaren som einedommar.

I praksis kan det bli aktuelt med ei etter måten enkel bruksordning i etterkant av eit skjønn etter § 5-4 i lovforslaget. Departementet meiner det er best å sjå på kravet om bruksordning som ei sjølvstendig sak. Det er ikkje noko i vege for at ei slik bruksordningssak kan takast opp til behandling straks skjønnet etter § 5-4 i lovforslaget er avheimla. På den måten er det lite å tape tidsmessig. Ein oppnår òg den fordel at samansetjinga av jordskifteretten skal følgje hovudreglane.

Gebyrkostnadene med to saker vil vere større enn med ei sak. Meirkostnadene kan fort sparast inn gjennom mindre kostnader til meddommarar ved to separate saker.

DA etterspør reglar for det tilfellet at ei sak som er kravd som jordskifte, går over til å bli ei sak etter kapittel 5 i den nye jordskiftelova. Departementet legg til grunn at dette gjeld dei tilfella der det ikkje skjer noko med heimel i kapittel 3 i lovforslaget. Da står jordskifteretten overfor eit sjølvstendig skjønn etter §§ 5-4 til 5-6 i lovforslaget. Til vanleg vil dette avdekkjast under førebuinga av saka. Da vil saka gå etter skjønnsprosesslova på vanleg måte.

I dei tilfella ei sak for jordskifterett fører med seg skjønn og andre avgjerder etter andre lover etter kapittel 5 i forslaget til ny jordskiftelov, er samansetjinga til retten regulert i § 5-7 i lovforslaget.

Departementet meiner i det heile at ein får den mest ryddige ordninga når utgangspunktet er at retten er samansett ut frå dei reglane som spring ut av saka sitt innhald etter at førebuinga av saka er gjennomført.

Lovforslaget inneheld ikkje nokon heimel til å kunne gå frå skjønn som eiga sak etter § 5-4, til sak etter kapittel 3 utan å krevje ny sak.

### 7.7.8 Avgjerd om bruk av jordskiftemeddommarar, varajordskiftemeddommarar og varajordskiftedommarar kan ikkje ankast

#### 7.7.8.1 Høyringsforslaget

Avgjerd om anke over bruk av jordskiftemeddommarar, varajordskiftemeddommarar og varajordskiftedommarar var ikkje framme som eit sjølvstendig tema i høyringsforslaget.

#### 7.7.8.2 Høyringsinstansane

Ingen høyringsinstans har uttalt seg om dette.

#### 7.7.8.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at det er sjølv avgjerda om bruk av jordskiftemeddommarar, varajordskiftemeddommarar eller varajordskiftedommarar som ikkje skal kunne ankast. Prøving av om den enkelte ikkje er inhabil, eller av andre årsaker må vike sete, er ikkje omfatta av lovforslaget § 2-6 femte ledd.

Dersom jordskiftedommaren meiner det trengst jordskiftemeddommar, er avgjerdsforma vedtak etter § 6-23 tredje ledd i lovforslaget. Med vedtak er meint det same som «beslutning» i tvistelova. Det er ikkje krav om å grunngi slike vedtak.

Departementet meiner dette er avgjerder som tyder så lite for saka at det ikkje er rimeleg at dei skal kunne ankast i seg sjølv. Regelen i tvistelova § 29-3 tredje ledd («En beslutning kan bare ankes på det grunnlag at retten har bygd på en uriktig generell lovforståelse av hvilke avgjørelser retten kan treffe etter den anvendte bestemmelse, eller på at avgjørelsen er åpenbart uforsvarlig eller urimelig») gjer det òg lite sannsynleg at anke over

vedtak om samansetjinga av retten vil kunne nå fram.

Dette er likevel ikkje til hinder for at slike avgjerder kan trekkjast inn ved bruk av rettsmiddel mot andre tema. For eksempel kan ein part påstå at det var feil å bruke jordskiftemeddommarar i ei så enkel sak for sin eigedom, og at den som kravde det, må bere kostnadene med jordskiftemeddommarane. I dette eksempelet kan bruken av rettsmiddel primært rette seg mot fordelinga av kostnadene i saka.

Dersom ein part krev bruk av jordskiftemeddommarar, skal det berre leggjast til grunn som ein føresetnad for konstitueringa av jordskifteretten. Det krev ikkje noko form for avgjerd i jordskifteretten.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 2-6 femte ledd.

## **7.8 Oppnemning av jordskiftemeddommarar og varajordskiftemeddommarar**

### **7.8.1 Oppnemning av jordskiftemeddommarar og varajordskiftemeddommarar**

#### *7.8.1.1 Høyringsforslaget*

Høyringsforslaget fører vidare ordninga med at jordskiftedommararen nemnar opp jordskiftemeddommarar og varajordskiftemeddommarar. Oppnemning er same løysing som ved skjønn. I vanlege sivile saker for tingrettane skal meddommarane trekkjast frå to kjønnsdelte utval.

Arbeidsgruppa foreslår òg å føre vidare ordninga med å oppnemne vararepresentantar for jordskiftemeddommarar, jf. gjeldande jordskiftelov § 9 fjerde ledd.

#### *7.8.1.2 Høyringsinstansane*

Ingen høyringsinstansar uttaler seg om dette.

#### *7.8.1.3 Departementets vurderingar*

Departementet meiner oppnemning av jordskiftemeddommarar og varajordskiftemeddommarar er ei betre løysing enn trekking fordi det gir best kontroll på at dei er kunnige i det saka gjeld.

Departementet viser til at det etter skjønnsprosesslova § 14 andre ledd er slik at skjønnsmedlemmene som blir vald, skal vere kunnige i det skjønnet gjeld. Valet av skjønnsmedlemmer må òg

bidra til å sikre ei allsidig vurdering og eit tilstrekkeleg kjennskap til lokale tilhøve. Mykje av dette vil gjelde på same måte for dei rettsendrande sakene. Da har det lite for seg å ha ei ordning med trekking av meddommarar.

Det har ikkje kome kritikk mot å føre vidare ordninga med å oppnemne jordskiftemeddommarar og varajordskiftemeddommarar.

Departementet kan ikkje sjå at omsynet til harmonisering med reglane for tingrett skal vege så tungt at ein skal ha forskjellige reglar om oppnemning eller trekking av jordskiftemeddommarar og varajordskiftemeddommarar i dei rettsendrande sakene etter kapittel 3 i lovforslaget og dei rettsfastsetjande sakene etter kapittel 4. Da slepp ein òg problem med oppnemning i saker som både har rettsfastsetjing og rettsendring i seg.

Likestillingslova § 1 a inneber at jordskifteretten skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling mellom kjønna på sitt område. Av dette følgjer det at dersom jordskifteretten skal setjast med to jordskiftemeddommarar, bør det nesten alltid vere ein av kvart kjønn. Dette er i samsvar med gjeldande praksis.

Ansvar for likestillinga i stort ligg til jordskifterettsleiaren. Ansvar for oppnemning av jordskiftemeddommarar ligg til den enkelte jordskiftedommar. Departementet meiner lovforslaget § 2-5 om val av like mange jordskiftemeddommarar av kvart kjønn til utvala av jordskiftemeddommarar, og føringa i same paragraf om at det skal vere pårekeleg at alle i utvala kan brukast i løpet av valperioden, saman med likestillingslova § 1 a, vil føre til god likestillingspraksis når det gjeld bruk av jordskiftemeddommarar. Departementet viser òg til at det ikkje er kjent med at dette er eit problem etter gjeldande jordskiftelov.

Ved fråfall frå jordskiftemeddommarar inneber likestillingslova § 1 a at mann bør erstattast med mann, og kvinne med kvinne.

Departementets forslag til reglar om oppnemning av jordskiftemeddommarar, går fram av lovforslaget § 2-7.

### **7.8.2 Oppnemning av jordskiftemeddommarar for eitt rettsmøte på visse vilkår**

#### *7.8.2.1 Høyringsforslaget*

Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare ordninga med å kunne nemne opp jordskiftemeddommarar for det enkelte rettsmøtet når ein jordskiftemeddommar får forfall og varajordskiftemeddommarane ikkje kan møte innan rimeleg tid.

### 7.8.2.2 Høyingsinstansane

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner det er prosessøkonomisk å kunne fortsetje saka utan avbrot sjølv om ein meddommar plutselig fell frå i sak der det er mange meddommarar. Dei går derfor inn for å gjere skjønnsprosesslova § 11 tredje ledd gjeldande i sak for jordskifterett.

*Norges Bondelag* meiner at nødløysinga med å kunne oppnemne meddommar som ikkje står i utvalet, er lite heldig. Bondelaget skriv òg:

«Et mer betryggende alternativ kan imidlertid være å tilkalle meddommere fra utvalg i andre domssogn, i det tilfellet som er nevnt i loven.»

### 7.8.2.3 Departementets vurderingar

Departementet ser ingen grunn til å la vere å føre vidare reglane for det tilfellet at oppnemnt jordskiftedømme ikkje møter.

Departementet er samd med Norges Bondelag i at det er trygt å tilkalle jordskiftedømme frå anna jordskiftesokn. Det er ikkje noko i lovforlaget § 2-7 som er til hinder for dette.

Dersom det ikkje let seg gjere på rimeleg tid, meiner departementet at det er nyttig å ha ei så fleksibel ordning som det ein finn i gjeldande jordskiftelov § 9 sjette ledd. Departementet er ikkje kjent med at dette har valda nemnande problem.

Departementet er ikkje samd med jordskiftedommarane i Eidsivating jordskiftedømme når det gjeld å opne for at jordskifterett sett med fire meddommarar kan halde fram sjølv om ein meddommar plutselig fell frå. I realiteten er dette å opne for færre leddommarar enn det anten minst ein part har kravd, eller jordskiftedommaren har bestemt.

Departementets forslag går fram av lovforlaget § 2-7 andre ledd.

## 7.8.3 Krav til jordskiftedømme

### 7.8.3.1 Høyingsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare kravet til at så langt råd er, skal det nemnast opp meddommarar som er særleg kunnige i det saka i hovudsak gjeld.

### 7.8.3.2 Høyingsinstansane

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme og Domstoladministrasjonen (DA)* meiner det er behov for at jordskifteretten i spesielle tilfelle skal

kunne gå utanfor utvalet for hente kunnige jordskiftedømme. Desse jordskifterettane viser til regelen i skjønnsprosesslova § 12. Dei viser til at dette kan redusere behovet for å oppnemne sakkunnige. Dei meiner at beste lovtekniske løysing er å ta inn ei tilvising til regelen i skjønnsprosesslova.

### 7.8.3.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår å føre vidare kravet til kunnige jordskiftedømme.

Departementet er samd med jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme og Domstoladministrasjonen (DA) i at jordskiftedommaren i spesielle tilfelle skal kunne gå utanfor utvalet for hente kunnige jordskiftedømme. Det kan redusere behovet for å oppnemne sakkunnige. Desse jordskifterettane viser til regelen i skjønnsprosesslova § 12. Av omsyn til sjølvprosederande partar har departementet vald å skrive inn innhaldet i skjønnsprosesslova § 12 tredje ledd i lovforlaget § 2-7 første ledd siste punktum.

I slike spesielle tilfelle meiner departementet at kravet til kunnige må få prioritet framfor kravet til likestilling mellom kjønna dersom ein må velje.

## 7.8.4 Binding til administrative grenser ved oppnemning

### 7.8.4.1 Høyingsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at jordskiftedommaren skal nemne opp jordskiftedømme ubunden av kommunegrenser og skjønnsmedlemer uavhengig av fylkesgrenser.

### 7.8.4.2 Høyingsinstansane

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* uttaler:

«Ved felles utval er det naturleg at både første og andre instans vel meddommarar innafor fylket. I alle fall bør det gå fram av paragrafen om retten er bunden til soknegrensene for oppnemning.»

### 7.8.4.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at oppnemninga ikkje skal vere bunden av kommunegrenser og fylkesgrenser. Departementet meiner òg at heller ikkje soknegrenser skal vere ei sperre for oppnemning. I praksis vil det vere saker som ligg i ytterkant av

eit jordskiftesokn. Frå tid til annan kan det da vere hensiktsmessig å hente kunnig meddommar frå utvalet i nabosoknet. Dette er ikkje til hinder for at det vanlege vil vere å bruke medlemmer frå dei lokale utvala. Departementet meiner dette er ei løysing som fell rimeleg godt saman med utsegna til jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 2-7 første ledd første punktum.

## 7.9 Innprenting og lovnad

### 7.9.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å ta inn domstollova § 100 i ny jordskiftelov i staden for den spesialtilpassa lovnaden for jordskiftedommaren i gjeldande jordskiftelov.

### 7.9.2 Høyringsinstansane

*Jordskiftedommaren i Gulating jordskiftedømme* skriv:

«Forsikringa i domstollova § 100 er mykje retta mot dom og straff, og høver dårleg med pliktene i jordskiftelova. Vårt forslag vil vera å syne til skjønnsprosesslova § 20, eller å vidareføre dagens jskl. § 11.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme, jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme, jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme og Domstoladministrasjonen (DA)* har same syn.

### 7.9.3 Departementets vurderingar

Sjolv om reglane om lovnad i domstollova § 100, skjønnsprosesslova § 20 og jordskiftelova § 11 inneheld vesentlege og like element, er det nokre nyansar. Dei er spesialtilpassa for tvistebehandling, skjønn og saker for jordskifterett.

Departementet konstaterar at etter gjeldande reglar må jordskifteretten bruke både jordskiftelova § 11 og skjønnsprosesslova § 20.

Gjeldande jordskiftelov § 11 første punktum seier at første gongen nokon gjer teneste som jordskiftedommaren, skal jordskiftedommaren gjere han kjend med dei pliktene ein jordskiftedommaren har. Departementet meiner det ikkje er grunnlag for å endre på plikta jordskiftedom-

maren har til å innprente jordskiftedommaren. Departementet foreslår å føre vidare plikta til å innprente i lovforslaget § 2-8.

Departementet meiner at forslaget til arbeidsgruppa når det gjeld lovnad, har ein god intensjon, men at innhaldet i domstollova § 100 er for direkte tilpassa til tvistebehandling til å vere fullgodt eigna til å dekkje behova ved jordskifte der det ikkje treng vere tvist. Etter andre ledd i § 100 i domstollova skal alle som er til stades, reise seg når meddommar gir lovnad. Det er ikkje tilfellet etter reglane i dei to andre lovene. Departementet meiner at hovudinnhaldet i dei gjeldande reglane er beste løysing når det gjeld lovnad. Departementet har likevel vald å ta ut orda «ærleg» og «med truskap» og erstatte dei med «samvitsfullt» og «etter beste overtyding». Departementet meiner òg at lovnaden skal givast i rettsmøte umiddelbart etter at jordskiftedommaren har informert om pliktene. Da er det nok at det står i rettsboka at det er lovnad. Det er ikkje grunn til å føre vidare regelen om at sjølve lovnaden skal inn i rettsboka og underteiknast av meddommaren.

Etter gjeldande jordskiftelov er ordlyden i lovnaden konkret fastsett i Rettleiing for utføring av jordskiftesaker av 1. mars 1991 punkt 11.2. Departementet meiner det er eit gode at den konkrete ordlyden òg etter ny jordskiftelov skal fastleggast konkret slik at det ikkje skal kunne vere nokon tvil om at lovnaden er lik i alle jordskifterettar. Departementet meiner dette er noko DA kan fastsetje.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 2-8.

## 7.10 Organisatoriske følgjer av overgangen til ein rettsmiddelinstans

I denne lovproposisjonen blir mykje av stoffet om ankeinstansen behandla i samband med ankeordninga. Resten blir omtalt her. Det er aktuelt med to typar av opprydding. Det er behov for tilføyingar i domstollova for å innarbeide jordskiftedelen i føresegnene om lagmannsretten. Tilsvarende er det behov for å ta bort ord og vendingar som gjer at reglane i domstollova gjeld for jordskifteoverrettane. Arbeidsgruppa kjem dessutan med eit par forslag til endring som departementet ikkje finn grunn til å ta inn i lovforslaget. Desse omtalar departementet nedanfor.

### 7.10.1 Kvar reglane om lagmannsretten skal stå

#### 7.10.1.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at dei fleste reglane om endring i lagmannsretten skal stå i domstollova. Høyringsforslaget inneheld likevel ein regel i § 2-4 om alderskrav til jordskiftelagdommar, og i § 2-6 om utdanninga til det tekniske personalet ved lagmannsrett.

#### 7.10.1.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen (DA)* peiker på at det er nødvendig å endre fleire paragrafar i domstollova når jordskifteoverrettane fell bort.

#### 7.10.1.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at reglane om organisering av jordskiftedelen av lagmannsrettane skal stå i domstollova. Grunnen er at resten av reglane om lagmannsretten står i domstollova. Departementet foreslår derfor å flytte dei to attståande reglane om ankeinstansen som arbeidsgruppa hadde teke inn i §§ 2-4 og 2-6 i høyringsforslaget.

Departementets forslag er tekne inn i samband med den konkrete omtalen av konkrete tilføyningar i domstollova, sjå nedanfor.

### 7.10.2 Tilføyningar i domstollova som følgje av ny rettsmiddelordning

#### 7.10.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å skrive inn tittelen jordskiftelagdommarar i domstollova § 10 første ledd. Arbeidsgruppa foreslår òg eit nytt punktum om krav til alder og jordskiftefagleg utdanning for jordskiftelagdommarar i domstollova § 54 andre ledd.

Sjølv om det ikkje står i domstollova, er forslaget arbeidsgruppa har til § 2-6 første ledd andre punktum eit krav til utdanning til det jordskiftefaglege tekniske personalet ved lagmannsrettane.

#### 7.10.2.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* og *Agder lagmannsrett* er samde i at jordskiftelagdommar er ein hensiktsmessig tittel. Når det gjeld kva for utval meddommarane i samansette ankesaker skal kome frå, er det ikkje klare signal i høyringsnotatet. Justisdepartementet peiker på dette og legg til grunn at

lagmannsretten bør kunne oppnemne meddommarar frå utvala for jordskifterettane.

*Jordskifteoverrettane* skriv om kravet til utdanning til det tekniske personalet ved lagmannsrettane skal vere som for jordskiftedommar:

«Det er viktig å vere klar over at dagens jordskifte-kandidatar har svært lite landmålings- og kartfag og at det ikkje er naturleg at desse utfører det tekniske arbeidet. Vi foreslår at paragrafen blir endra slik at det står at personalet bør ha relevant utdanning. Valet av kva utdanning som vil passe best i dei enkelte tilfelle vil mellom anna avhenge av den administrative organiseringa av lagmannsretten etter den nye ankeordninga.»

#### 7.10.2.3 Departementets vurderingar

Departementet er samd med dei som har uttalt seg om at tittelen jordskiftelagdommar er brukande, og at den må inn i § 10 første ledd i domstollova.

Departementet meiner det ikkje er grunn til å skipe eigne utval av jordskiftemeddommarar til bruk for lagmannsretten. Etter gjeldande jordskiftelov brukar jordskifteoverretten meddommarar frå same utval som jordskifteretten, men sjølv sagt ikkje dei som har vore med i saka i første instans. I dei seinare åra har det årleg vore om lag 50 saker for jordskifteoverrettane. Med fire meddommarar i kvar sak blir det om lag 200 meddommarar som kvart år oppnemast til å vere med i eit overjordskifte. Med ein valperiode på fire år blir det brukt omlag 800 jordskiftemeddommarar. Dersom dette fordelar seg noko så nær likt på alle 430 kommunane, blir det brukt om lag to jordskiftemeddommarar frå kvar kommune i overjordskifte i valperioden.

Etter lovforslaget § 8-7 vil bruken av jordskiftemeddommarar truleg reduserast noko.

Departementet meiner at reglane om bruk av sakkunnige meddommarar skal gjelde på same måte ved ankesak frå jordskifterett og frå tingrett. Når tvistelova kapittel 29 er gjort gjeldande, er det på plass.

Departementet meiner det er behov for fleire tilføyningar. Mellom anna meiner departementet at det bør stå i klartekst i domstollova § 10 andre ledd at førstelagmannen kan tilkalle jordskiftelagdommar frå eit anna lagdømme.

Departementet meiner at § 15 i domstollova må endrast slik at det går klart fram at forfall frå jordskiftelagdommar ikkje er akseptabelt ved behandling av ankebehandling over jordskifteav-

gjerd. Om ein ikkje fastset ein slik regel, ser ein bort frå det grunnleggjande omsynet til fagkompetanse som ligg til grunn for forenklinga av rettsmiddelordninga som er ein sentral del av dette lovforslaget.

Når det gjeld krav til alder, kan ikkje departementet sjå at det skal vere nokon forskjell mellom jordskiftelagdommar og lagdommar. Derfor må det inn eit nytt punktum i domstollova § 54 andre ledd som har same krav til alder for jordskiftelagdommar som for lagdommar.

Når det gjeld krav til fagleg utdanning, kan ikkje departementet sjå at det skal vere nokon prinsippforskjell mellom jordskiftelagdommar og lagdommar. Kravet må vere det same som for jordskiftedommar. Da blir det ikkje nokon prinsippforskjell på kravet til nivået på utdanninga til lagdommarar og jordskiftelagdommarar.

Departementet meiner at § 55 a i domstollova må tilpassast den nye rettsmiddelordninga. Departementet ser at opphevinga av monopolet på utdanning som ligg i dette lovforslaget, kan føre til at tittelen jordskifte kandidat ikkje blir heilt presis i framtida. På forskjellig vis er Domstoladministrasjonen (DA) involvert i utnemning av jordskiftelagdommarar og jordskiftedommarar og i tilsetjing av jordskiftedommarfullmektigar. Departementet legg til grunn at DA vil ha nødvendig kompetanse til å bruke denne regelen i samsvarende med intensjonen til lovgivar. Departementet ser derfor ikkje grunn til å gå bort frå tittelen jordskifte kandidat.

Departementet er samde med Justisdepartementet i at det skal gå klart fram kva for utval meddommarane i samansette saker skal hentast frå. Departementet meiner at dei skal hentast frå utvala av jordskiftemeddommarar. Departementet meiner òg at det er nødvendig å endre domstollova § 14 slik at det går klart fram at det skal vere meddommarar med i ankesaker som kjem frå jordskifteretten.

Departementet meiner det er like stort behov for kunnige meddommarar ved prøving av ei jordskifteavgjerd i lagmannsretten, som ved utforminga av den same jordskifteavgjerda i jordskifteretten. Departementet viser til at lovforslaget § 8-7 andre ledd tek vare på dette omsynet.

Departementet er samde med jordskifteoverrettane når det gjeld kravet til utdanning for det tekniske personalet ved lagmannsrettane. Departementet går derfor mot å foreslå krav til slik utdanning som arbeidsgruppa har teke inn i høyringsforslaget § 2-6. Departementet meiner samanslåing av jordskifteoverrett og lagmannsrett

ikkje endrar behovet for jordskifteteknisk personale ved ankeinstansen. Oppgåvene vil vere noko så nær like i innhald og omfang når det ikkje blir gjort vesentlege endringar i reglane om overprøving. Domstollova har få føresegnar om anna personale ved lagmannsrettane. Departementet meiner dette kan løysast ved å lage ein eigen regel i domstollova, sjå forslaget til ny § 62 a.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 9-7 endringar i andre lover nr. 1. domstollova §§ 10, 14, 15, 54, 55 a og ny 62 a.

### 7.10.3 Endringar i domstollova som følgje av at jordskifteoverrettane fell bort

#### 7.10.3.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår ikkje endringar i domstollova som følgje av at jordskifterettane fell bort.

#### 7.10.3.2 Høyringsinstansane

Det er berre *Domstoladministrasjonen (DA)* som er inne på dette i sin generelle merknad til behovet for endringar i domstollova, sjå punkt 1.10.1.2 ovanfor.

#### 7.10.3.3 Departementets vurderingar

Ordet «jordskifteoverrettane» må ut av lovtekst når dei blir borte. Det fører til endring i domstollova §§ 55 første ledd, 55 b andre ledd, 55 d og 55 e første og andre ledd, 121 b, 121 c, 121 e, 235 og 236. Departementet meiner at det ikkje er grunn til opne for at jordskiftelagdommaren skal kunne vigsle ektepar. § 55 e er tilpassa dette.

Departementet meiner at det er nødvendig å tilpasse reglane i domstollova om Innstillingsrådet for dommarar til dei nye organisatoriske tilhøva. Det betyr at domstollova § 55 a første ledd tredje punktum må skrivast om slik at ein jordskiftelagdommar kjem i staden for ein jordskifteoverdommar.

Departementet meiner òg at det er nødvendig å endre reglane i domstollova om Tilsynsutvalet for dommarar på same måte som for Innstillingsrådet. Det betyr at domstollova § 235 første ledd tredje punktum må endrast slik at jordskiftelagdommar kjem i staden for jordskifteoverdommar.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 9-7 endringar i andre lover nr. 1. domstollova §§ 55, 55 a, 55 b, 55 d, 55 e, 121 b, 121 c, 121 e, 235 og 236.

#### **7.10.4 Godkjenning av utdanning i utlandet**

##### *7.10.4.1 Høyringsforslaget*

Høyringsforslaget tek ikkje opp spørsmål om godkjenning av utdanning i utlandet.

##### *7.10.4.2 Høyringsinstansane*

Ingen høyringsinstans uttaler seg om dette.

##### *7.10.4.3 Departementets vurderingar*

Departementet har merka seg at det er ei ordning for godkjenning av utdanning i utlandet for dom-

marar ved dei alminnelege domstolane, sjå domstollova § 241. Departementet meiner at omsynet til harmonisering gjer at denne ordninga òg bør gjelde for jordskiftedommarar og jordskiftelagdommarar. Ordninga er ikkje upraktisk i ei tid der det blir stadig meir vanleg at studentane tek delar av studiet i utlandet.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 9-7 endringar i andre lover nr. 1, domstollova § 241 nytt tredje ledd.



## 8 Jordskifte og fordeling av planskapt netto verdiauke med vidare

### 8.1 Innleiing

Kapitlet her gjeld verkemiddel som fell inn under samleomgrepet jordskifte. I tillegg gjeld kapitlet to verkemiddel som liknar på jordskifte. Dette er den heimelen jordskifteretten har til å fordele planskapt netto verdiauke, og heimelen jordskifteretten har i samband med eit jordskifte til å gi reglar for det tilfellet at det blir naturskade. Hovuddinnhaldet i kapitlet gjeld jordskifte og verkemidla som kan brukast i eit jordskifte.

Formålet med eit jordskifte er å gi eigarar og bruksrettshavarar ein reiskap for å bøte på vanskar dei har med å bruke eigedommen på tenleg måte. Eksempel på slike vanskar er samarbeidsproblem i sameige, behov for å lage felles infrastruktur som for eksempel veg, og behovet for å sjå fleire eigedommar under eitt for å få nok areal til å få løyve til felling av storvilt. Det finst òg område der teigdeling gjer at det ikkje er mogleg å bruke ein jord- eller skogteig på tenleg måte etter tid og tilhøve. Vanskane kan oppstå for alle typar eigedom, for eksempel for landbrukseigedom, fritidseigedom eller næringseigedom.

Omgrepet «jordskifte» inneheld elementa «jord» og «skifte». Elementet «jord» viser at det handlar om fast eigedom, i hovudsak grunn. Elementet «skifte» viser at noko endrar seg.

Endringa fører ofte til endringar i matrikkel og grunnbok. Som regel er alle eigedommar registrerte som eigne einingar i matrikkel og grunnbok med eintydige identifikasjonar. Sjølv om eit jordskifte i seg sjølv ikkje endrar dette, følgjer det av matrikkellova § 22 at kommunen skal registrere at det er sett fram krav om sak og registrere referansen til det saksnummeret jordskifteretten brukar. Når jordskiftet er rettskraftig, går det fram av gjeldande jordskiftelov § 24 at alle endringar og anna «som har varig verdi», skal matrikkelførast og tinglysast. I lovforslaget er høvet til matrikkelføring og tinglysing regulert i §§ 6-31 og 6-32. I dei fleste høve er areala ikkje påverka av jordskiftet. Bortsett frå at nye grensemerke kjem på plass, er det ikkje mogleg å sjå i terrenget at det går føre

seg eit jordskifte, eller at jordskifte har gått føre seg.

Etter lovforslaget kan jordskifte for eksempel gå ut på ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett etter lovforslaget § 3-4 eller skiping og oppløysing av sameige etter lovforslaget §§ 3-5 og 3-6 eller etablering av fellestiltak og pålegg om investeringar etter lovforslaget § 3-9. Eit jordskifte kan òg gå ut på å gi eller endre reglane for sambruk etter lovforslaget § 3-8 eller å skipe lag og fastsetje vedtekter etter lovforslaget § 3-10.

Jordskifte kan gå ut på bruk av eitt verkemiddel, men ofte vil det bli brukt fleire verkemiddel samtidig i ei jordskiftesak. Dersom det er reist jordskiftesak, og for eksempel ein bruksrett er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing, har jordskifteretten dessutan etter gjeldande jordskiftelov og etter lovforslaget kompetanse til å omforme eller avløyse bruksretten sjølv om bruksretten elles ikkje kan vere grunnlag for eiga jordskiftesak. Sjø drøftinga av høvet mellom jordskifte og omskiping og avskipping etter servituttløva, kapittel 8.5.

Kapittel 8.2 gjer greie for strukturen i lovforslaget kapittel 3. Kapittel 8.3 gjeld ord og uttrykk som er brukte i lovforslaget. Kapittel 8.4 gjeld disposisjonsprinsippet i samband med jordskifte. Kapittel 8.5 gjeld tilhøvet mellom jordskifte og omskiping og avskipping etter servituttløva. Kapittel 8.6 gjeld jordskifte og reindrift. Dei etterfølgjande kapitla følgjer den same rekkefølga som paragrafane i lovforslaget kapittel 3. Til sist er det eit eige kapittel om føresegner i gjeldande jordskiftelov som er foreslått oppheva.

### 8.2 Strukturen i lovforslaget kapittel 3

#### 8.2.1 Høyringsforslaget

I gjeldande jordskiftelov er gangen i ei jordskiftesak det ordnande elementet. I høyringsforslaget legg arbeidsgruppa opp til ein struktur der ein skal skilje mellom reglar om saksbehandling og materielle reglar. Kapittel 3 om jordskifte er delt i 30 paragrafar fordelt på fire delar (I-IV).

Del I gjeld bruk av verkemiddel, vilkår og sperretid. Del II gjeld kva for endringar eit jordskifte kan gå ut på. I denne delen foreslår arbeidsgruppa å føre vidare innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 2 slik at føresegna blir erstatta med ein paragraf for kvart verkemiddel. Arbeidsgruppa foreslår òg i del II at reglane om omskipling og avskipping av servituttar skal takast ut av servituttløva og innarbeidast i jordskiftelova. Del III gjeld grunnlaget for og krav til utfallet av eit jordskifte. Del IV gjeld andre oppgåver for jordskifteretten i samband med eit jordskifte.

### 8.2.2 Høyringsinstansane

Dei høyringsinstansane som uttaler seg, støttar i hovudsak oppbygginga av kapitlet i lova.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner at oppbygginga av kapitlet er bra, og at det er greitt å gjere ei inndeling i underkapittel.

*Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner at verkemidla i jordskifte er samla på ein hensiktsmessig måte i kapittel 3.

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* meiner at overskrifta i høyringsforslaget kapittel 3 del I bør endrast til berre vilkår, og at òg overskrifta i høyringsforslaget kapittel 3 del III høver dårleg med innhaldet.

### 8.2.3 Departementets vurderingar

Det er mange sjølvprosederande partar i saker for jordskifteretten. Dette set krav til ein struktur i lova som gjer henne lett å forstå. Jordskiftelova må vere tydeleg og så enkel som råd. Departementet foreslår difor ei løysing i samsvar med forslaget i høyringsnotatet. Løysinga skil mellom reglar om saksbehandling og reglar som styrer kompetansen jordskifterettane skal ha. Reglane om saksbehandling går fram av lovforslaget kapittel 6.

I lovforslaget kapittel 3 Jordskifte foreslår departementet ei noko anna løysing enn forslaget i høyringsnotatet. Departementet foreslår å dele kapitlet inn i sju delar. Dei første fire delane gjeld det som kan kallast ordinære verkemiddel i jordskifte. Rekkfølga i desse føresegnene byggjer på same måten som i gjeldande jordskiftelov på framdrifta i ei sak. Lovforslaget kapittel 3 del fem gjeld fordeling av planskapt netto verdiauke, medan del seks gjeld fare for naturskade. I del sju foreslår departementet å samle nokre føresegner som er aktuelle i samanheng med jordskifte, men som ikkje naturleg har ein samanheng med inndelinga

i dei andre delane. Med dette utgangspunktet har underkapitla fått følgjande overskrifter:

- I Utenleige eigedomstilhøve og bruk av verkemiddel i jordskifte
- II Verkemiddel
- III Grunnlaget for jordskifteløysinga
- IV Jordskifteløysinga
- V Fordeling av planskapt netto verdiauke
- VI Fare for naturskade
- VII Andre reglar om jordskifte.

## 8.3 Ord og uttrykk i lovforslaget kapittel 3

### 8.3.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår ei eiga føresegn med definisjonar (høyringsforslaget § 1-3). Arbeidsgruppa foreslår at ord og uttrykk som er knytt til landbrukseigedom og landbruksrelaterte rettar, skal erstattast med ord og uttrykk utan slik tilknytning. Det visast til at jordskiftelova skal vere ei lov for ulike typar eigedommar, ikkje berre landbrukseigedom. Nokre eksempel på endring i ord og uttrykk er at «kjøp av tilleggsjord» skal endrast til «handel med areal», «verdi som dyrka og udyrka» erstattast med «potensiell og aktuell verdi». Høyringsforslaget inneheld òg ei rekkje andre generelle ord og uttrykk. Ut over dette peiker arbeidsgruppa på at det er behov for betre språkleg presisjon. Dette er mellom anna grunngevinga for å bruke ord som «arealverdi», «tapsfråværsгаранти», «sperretid» og «grensejustering».

I høyringsforslaget foreslår arbeidsgruppa ut over dette at tilnærminga «Eigedomar som det er vanskeleg å nytte ut på tenleg måte» i staden skal knytast til at partane har eit «problem» med å bruke eigedommen sin, jf. høyringsforslaget § 3-1.

### 8.3.2 Høyringsinstansane

Dei fleste høyringsinstansane som uttaler seg om ord og uttrykk, uttaler i samband med den konkrete ordbruken i forskjellige paragrafar, men *Justisdepartementet* uttaler til høyringsforslaget § 1-3 om definisjonar at omgrep som berre brukast éin stad i lova, bør definerast i tilknytning til reglane der. Kommentaranane frå høyringsinstansane er difor i hovudsak refererte i tilknytning til paragrafane det er snakk om. Eksempel på dette er *jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommarane i Frostating jordskiftedømme* som meiner at omgrepet «tyngsler» må avgrensast klarare. *Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* med fleire sagnar uttrykket «etter tida og tilhøva». *Justisdeparte-*

mentet er kritisk til bruken av ordet «påstand» i høyringsforslaget § 3-4 tredje ledd. *Jordskifteoverrettane* er mindre glad for uttrykket som blir brukt om vilkåret i § 3-3 i høyringsforslaget. Dei meiner at ikkje-tap er eit betre uttrykk enn «tapsfråvær» som er eit endå meir konstruert ord.

Ein del høyringsinstansar uttaler seg om bruken av omgrepet «problem» i høyringsforslaget. Omgrepet blir brukt i fleire paragrafar og fleire kapittel i høyringsforslaget. Uttalane gjeld bruken av omgrepet i samband med § 3-1 i høyringsforslaget. *Justisdepartementet* uttaler at formuleringa «for å løyse problema i saka» er uheldig, og at ho bør endrast. *Den norske advokatforening* er i stuss over formuleringa. *Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme og jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* foreslår å ta ut at formuleringa i høyringsforslaget § 3-1 første ledd. *Sør-Trøndelag jordskifterett uttaler:*

«Med bakgrunn i formålsparagrafen skaper ordet «problema» uklarhet.»

### 8.3.3 Departementets vurderingar

Det går fram av proposisjonen kapittel 6.5 at departementet foreslår å følgje tilrådinga frå Justisdepartementet om å definere omgrep som berre blir brukt ein stad i lova, i tilknytning til den konkrete bruken av omgrepet.

Det er elles vanskeleg å seie noko generelt om valet av ord og uttrykk. I lovforslaget tek ein sikte på å bruke formuleringar frå dagleg tale som kan gi ei tydeleg og dekkjande forklaring på kva føresegna gjeld. Eit eksempel på endringar som tek sikte på å gjere språket enklare å forstå, er at omgrepet «skiftegrunnlaget» som går igjen i fleire føresegner i gjeldande jordskiftelov er endra til «grunnlaget for jordskiftet», sjå for eksempel lovforslaget overskrifta i del III, og § 3-19. I staden for «skiftefeltet» blir gjennomgåande omgrepet «jordskifteområdet» brukt i lovforslaget.

På same måten som i høyringsforslaget, foreslår departementet mange stader at lovforslaget skal innehalde ord og uttrykk som er assosierte med fast eigedom generelt framfor ord og uttrykk som fører tankane mot landbruk. Departementet meiner at dette ordvalet gjer det tydeleg at verkemidla i jordskifte gjeld ulike typar eigedommar slik at ordlyden i lova blir meir dekkjande for kva lova gjeld. Ut over dette er det generelle omgrepet «skifte» i gjeldande jordskiftelov bytt med meir presise formuleringar som «leggje ut grunn og bruksrettar» sjå lovforslaget § 3-19, eller «byte grunn» i lovforslaget § 3-20.

Departementet foreslår likevel mange stader å bruke etablerte ord og uttrykk frå gjeldande jordskiftelov sjølv om det blir brukt nye ord og uttrykk i høyringsforslaget. Eit eksempel er at omgrepet «problem» som brukast i høyringsforslaget, og som høyringsinstansane uttaler seg om, er bytt ut med formuleringar frå gjeldande jordskiftelov. Sjølv om § 3-1 og 3-2. Starten på eit jordskifte er at minst ein eigar meiner at eigdommen er utenleg etter tid og tilhøve. Når jordskifteretten skal behandle jordskiftet, står jordskifteretten overfor det som partane har teke opp som utenleg, og som saka skal dreie seg om å råde bot på. Dette kan rett nok omtalast som «problemet i saka», men departementet er samd med dei høyringsinstansane som peiker på at ordet «problem» ikkje er så presist at det er eigna til å gi klare rammer for kva jordskifteretten kan gjere i eit jordskifte. Departementet foreslår difor ikkje å bruke ordet «problem» i lovforslaget kapittel 3. Eit anna eksempel som høyringsinstansane tek opp, er bruken av ordet «tyngsler» i høyringsforslaget. Departementet foreslår å bruke omgrepa «rett» eller «bruksrett» slik ein gjer i gjeldande jordskiftelov. Sjølv om drøfting av dette i kapittel 8.5.

Departementet foreslår òg å halde fast ved nokre få heilt spesielle ord og uttrykk fordi dei er vanskelege å erstatte. I lovforslaget er såleis omgrepet «standskog» brukt, sjå lovforslaget § 3-15 andre ledd.

## 8.4 Jordskifte og disposisjonsprinsippet

### 8.4.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-1 å lovfeste praksis etter gjeldande jordskiftelov som går ut på at det er opp til partane å avgjere om dei vil bringe ei sak inn for jordskifteretten, men at jordskifteretten tek stilling til kva for verkemiddel som er eigna til å løyse dei utenlege tilhøva partane har peikt på.

Ut over dette foreslår arbeidsgruppa i høyringsforslaget § 6-17 femte ledd å føre vidare regelen i gjeldande jordskiftelov § 25 fjerde ledd om at jordskifteretten kan utvide jordskiftesaka ut over jordskiftekravet og for eksempel ta med fleire eigedommar dersom jordskifteretten finn utviding nødvendig for å oppnå ei tenleg jordskifteløysing.

### 8.4.2 Høyringsinstansane

Høyringsinstansane foreslår ikkje endringar i forslaga til arbeidsgruppa. *Jordskifteoverrettane* utta-

ler at det er behov for ein regel som viser at det er opp til jordskifteretten å avgjere kva for verkemiddel som er eigna for å løyse kravet.

#### 8.4.3 Departementets vurderingar

I sivile saker avgjer partane om dei vil bringe ei sak inn for retten, og retten kan innan dei fleste saksfelta ikkje gå ut over påstandar partane set fram. Denne ramma for kompetansen retten har, er ofte omtala som disposisjonsprinsippet, og ho er lovfesta i tvistelova § 11-2.

Disposisjonsprinsippet er òg utgangspunktet ved jordskifte. I gjeldande jordskiftelov følgjer det av § 97 første ledd bokstav a) at tvistelova § 11-2 gjeld tilsvarende så langt det høver. I jordskifte er det likevel slik i praksis etter gjeldande jordskiftelov at partane avgjer om dei vil bringe ei sak inn for jordskifteretten, og dei må peike på kva som er utenleg etter tid og tilhøve, jf. gjeldande jordskiftelov § 1. Partane kan ut over dette ikkje styre jordskifteløysinga gjennom ein konkret påstand om bruk av eitt bestemt verkemiddel og utelukke eit anna. Det er jordskifteretten som fastset kva for verkemiddel som er eigna til å løyse det utenlege tilhøvet.

Departementet meiner at den same løysinga må gjelde i ny jordskiftelov. Jordskifteløysinga vil ofte vere eit kompromiss mellom mange omsyn og interesser, og jordskifteretten skal sjå til at vilkåra for jordskifte er til stades. Det er særleg viktig i denne samanhengen at lova gir vern mot at ein eigedom eller bruksrett lir tap. Sjå lovforslaget § 3-18. Jordskifteretten har såleis eit ansvar for sjølve jordskifteløysinga som ikkje er knytt til tolking av lova, men til eit balansert resultat innanfor rammene som er sett for jordskiftet.

Departementet meiner det er sentralt for å kunne bruke verkemiddel i jordskifte at ansvaret jordskifteretten har for den endelege løysinga førast vidare i ny jordskiftelov. Det er jordskifteretten, ikkje partane, som må ta stilling til om ein eigedom eller bruksrett lir tap. I eit jordskifte vil jordskifteretten såleis ha ei anna rolle enn den rolla tingretten til vanleg har i tvistesaker. Resultatet av dette er at ansvaret for resultatet av saka må fordelast på ein annan måte mellom jordskifteretten og partane enn i ordinære sivile tvistesaker. Ein konsekvens av denne «ansvarsdelinga» er at partane i ei jordskiftesak ikkje bør ha like sterk styring med jordskifteløysinga som partane i ein tvist i tingretten normalt vil ha gjennom sine påstandar.

Departementet er samd med jordskifteoverrettane i at denne løysinga bør gå fram av lova.

Departementet foreslår følgjande løysing: Etter lovforslaget § 6-1 andre ledd bokstav f) vil regelen i tvistelova § 11-2 gjelde så langt det høver. Dette er i samsvar med løysinga i gjeldande jordskiftelov § 97 første ledd bokstav a). Etter lovforslaget § 3-1 første ledd første punktum kan jordskifteretten velje kva for verkemiddel som skal brukast. Etter lovforslaget § 3-2 andre ledd har jordskifteretten ikkje kompetanse til å byggje på andre høve enn dei utenlege eigedomstilhøva som partane har teke opp i jordskiftet. Samla fører forslaget vidare praksis etter gjeldande jordskiftelov.

Departementet foreslår ut over dette i lovforslaget § 6-9 fjerde ledd at jordskifteretten av eige tiltak kan gå utanom den geografiske avgrensinga av krava som partane har reist, og ta med attverande delar av eigedommane som jordskiftet gjeld. Jordskifteområdet kan i slike høve ikkje utvidast meir enn det som trengst for å få løyst saka slik ho er sakleg avgrensa etter dei krava som er reiste. Denne regelen byggjer på regelen i gjeldande jordskiftelov § 25 fjerde ledd som gjeld avgrensinga av skiftetfeltet.

Reglane om kontradiksjon og saksbehandling må tilpassast dette forslaget. Dette er drøfta i kapittel 12. Sjå for eksempel lovforslaget § 6-21 der departementet foreslår å lovfeste reglar om at jordskifteretten skal leggje fram skriftleg forslag til jordskifteavgjerd.

## 8.5 Jordskifte og omskiping og avskipping etter servituttlova

### 8.5.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å oppheve §§ 5 til 8 i servituttlova. Omskiping og avskipping etter servituttlova skal erstattast av tilsvarende verkemiddel etter jordskiftelova, sjå §§ 3-9, 3-10 og 3-12 i høyringsforslaget. Omskiping og avskipping skal falle inn under samleomgrepet jordskifte. I høyringsbrevet går departementet mot dette forslaget.

### 8.5.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* støttar i uttalen sin forslaget frå departementet. Det same gjer *Sør-Rogaland jordskifterett*. *Justisdepartementet* uttaler i samband med dette:

«Justisdepartementet er enig i at avskipping og omskiping av servitutter kan være nye jordskifteverkemidler, men departementet kan ikke se at det av den grunn er nødvendig eller tjenelig å flytte reglene fra servituttloven. Reglene

utgjør en viktig del av det privatrettslige rettsforholdet mellom grunneieren og servitutthaveren, som elles er regulert i servituttløven. Reglene hører difor naturleg hjemme i servituttløven, og ikke i jordskifteløven som har mer preg av å være en prosesslov. Vi foreslår at det i stedet for å flytte reglene tas inn en henvisning til servituttløvens regler om avskipping og omskiping.»

Uttalen frå *jordskifteoverrettane* tek ikkje stilling til om forslaget frå arbeidsgruppa eller forslaget frå departementet bør gjennomførast. Jordskifteoverrettane uttaler:

«Vi ser det som ei klar forbetring at jordskiftedomstolane får endå sterkare verkemiddel til å handtere servituttar og bruksrettar. Dette er eit område der jordskiftedomstolane har spesialkompetanse, og kan gjere stor nytte for seg.»

Heller ikkje *jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* gir uttrykk for ei meining om dei to løysingane, men jordskiftedommarane peiker på behovet for krysstilvisingar. Dommarane uttaler:

«Vi ser at Landbruks- og matdepartementet i høyringsbrevet går inn for at reglane om avskipping og omskiping fortsatt skal stå i servituttløva, sjølv om ein gjer dette til jordskiftevirke-middel slik som lovforslaget legg opp til. Dersom LMD sitt forslag om dette vert det endelege, vil vi foreslå ein tilvisningsparagraf i ny jordskiftelov, ev. krysstilvisning både i jordskifteløva og servituttløva, slik at det går tydeleg fram også av jordskifteløva at av- og omskiping er eit jordskiftevirke-middel. Det vil vere uheldig om eit jordskiftevirke-middel ikkje går fram av jordskifteløva, men må leitast fram i ei anna lov.»

Ei rekkje andre høyringsorgan meiner at hovudtrekka i forslaget frå arbeidsgruppa bør gjennomførast fordi forslaget vil føre til forenklingar. Dette gjeld mellom anna *jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme*, *jordskifterettane i Agder jordskiftedømme*, *jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme*, *Sør-Trøndelag jordskifteret*, *Direktoratet for Naturforvaltning (DN)* og *Fylkesmannen i Hordaland*. DN uttaler ut over dette at:

«Men det bør også være klart at vilkårene og kriteriene for omskiping og avskipping av servituttar ikkje må bli lempeligere som følge av endringene.»

### 8.5.3 Departementets vurderingar

#### 8.5.3.1 Kompetanse etter gjeldande reglar

*Omskiping.* Etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b) kan jordskifteretten som eit jordskifte (eiga jordskiftesak) forme ut eigedommar på nytt ved byte av rettar. I Ot.prp. nr. 57 (1997–1998) side 118 er «rettane» dette gjeld avgrensa til positive alltidvarande realservituttar. Personlege rettar eller negative servituttar kan såleis ikkje omskipast som eiga sak etter jordskifteløva. Med heimel i gjeldande jordskiftelov § 33 første ledd andre punktum tredje alternativ kan jordskifteretten likevel, dersom det alt er reist ei jordskiftesak, flytte ein bruksrett frå ein stad til ein annan anten på eigdommen eller til ein annan eigedom. Det er lagt til grunn i Ot.prp. nr. 56 (1978–1979) side 85 at alle bruksrettar er omfatta, anten dei er tidsavgrensa, alltidvarande, reelle eller personlege. Det blir òg vist til at for dei bruksrettane som ikkje kan avløysast, er § 33 første ledd den einaste løysinga. Heller ikkje denne regelen gir heimel for å omskipe negative servituttar.

Med heimel i reglane i servituttløva §§ 5 og 6 om omskiping og servituttløva § 19, kan anten lensmannen eller jordskifteretten omskipe rettar. Forma for avgjerd etter servituttløva er skjønn. Reglane i jordskifteløva og servituttløva liknar kvarandre, men har ei rekkje forskjellar. Når det gjeld krav om sak, har servituttløva inga avgrensing i høve til personlege rettar eller negative servituttar, slik jordskifteløva har.

*Bruksordning/utvising.* Gjeldande jordskiftelov har mange heimlar for å gi reglar om sambruk (bruksordning). Reglane blir drøfta i kapittel 8.13. Ei liknande ordning er lovfesta i servituttløva § 13 første ledd for retten til å ta ut trevirke til hushald eller gardsbruk. Det følgjer av denne regelen at den som har ein rett til å ta ut trevirke til hushald eller gardsbruk, må ta trevirket etter utvising dersom skogeigaren krev det. Føresegna gir nærare reglar for korleis utvisinga skal skje, og for innhaldet i retten til utvising.

*Avskipping/avløysing.* Etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav d) kan jordskifteretten som eit jordskifte (eiga jordskiftesak) avløyse dei bruksrettane som er nemnde i gjeldande jordskiftelov § 36. Dette gjeld ei konkret liste over alltidvarande bruksrettar av ulikt slag. Dersom det er reist jordskiftesak, kan jordskifteretten dessutan avløyse bruksrettar av alle slag, sjå gjeldande jordskiftelov § 39. Dette er lagt til grunn i Ot.prp. nr. 56 (1978–1979) side 87. Det er eit vilkår for slik avløysing at rettane er til hinder for eit tenleg jordskifte, at bruksordning ikkje fører fram, og at

avløysing kan gjennomførast på ein formålstenleg måte utan skade for nokon part. Negative servituttar kan ikkje avløysast etter denne regelen.

Servituttløva § 7 gjeld avskipping av servitutt, det vil seie «særrettar over framand fast eigedom til einskilde slag bruk eller anna utnyttingsråvælde eller til å forby einskilde slag verksemd, bruk eller tilstand», jf. servituttløva § 1 første ledd første punktum. Slik sak kan etter servituttløva reisast anten for lensmannen eller jordskifteretten. Forma for avgjerd etter servituttløva er skjøn. Sjå kapittel 11.6.7.3 der rolla jordskifteretten har i dette skjønnet er drøfta. Ved avløysing etter jordskifteløva og avskipping etter servituttløva er ein viktig skilnad mellom dei to lovene at det berre kan reisast sak etter jordskifteløva om avløysing av alltidvarande bruksrettar, medan ein etter servituttløva kan avskipe alle servituttar, mellom anna negative servituttar.

#### 8.5.3.2 Behovet for endringar

Departementet meiner at det er behov for å forenkle reglane. Reglane står i to ulike lover, dei har litt ulikt innhald med omsyn til kva som kan omskipast eller avløysast, ulik prosessform for avgjerdene, og det er ulike organ som tek avgjerd i sakene. Reglane for ansvar for sakskostnader er òg ulike. Dette kan føre til at partar som krev sak for lensmannen, kan risikere andre resultat enn om saka reisast som jordskiftesak. For han eller ho som ønskjer å avskipe eller avløyse rett, er det vanskeleg å få oversikt over reglane og finne ut korleis dei kan løyse situasjonen. Det kan føre til rettstap for enkelte. Skiljet mellom kva for rettar som kan behandlast gjennom jordskifte, og kva for rettar som berre kan behandlast gjennom sak etter servituttløva, er heller ikkje enkelt å forstå. I Meld. St. nr. 9 (2011–2012) Velkommen til bords side 269 er det lagt til grunn at valfridommen mellom ulike instansar etter gjeldande servituttløva bør fjernast, og at sakene bør leggast til jordskifteretten.

Departementet meiner òg at det er ønskeleg å rydde i bruken av omgrep i jordskifteløva. Departementet vil peike på at ordet rettar betyr litt av kvart i gjeldande jordskifteløva avhengig av kva for paragraf ordet står i. Sjå omtale av dette under kapittel 8.5.3.1. Ved å rydde i bruken av dette omgrepet i jordskifteløva kan reglane bli lettare å forstå enn dei er i dag.

#### 8.5.3.3 Forslaget om å gjere omskiping og avskipping etter servituttløva til verkemiddel i jordskifte

Departementet foreslår i tråd med uttalen frå Justisdepartementet at føresegnene i servituttløva §§ 5 til 8 om omskiping og avskipping ikkje flyttast frå servituttløva til jordskifteløva. Kapittel 11.4, 11.5 og 11.6 inneheld ei drøfting av departementets forslag i samband med den kompetansen jordskifteretten bør ha til å avgjere saker etter servituttløva. Departementet er samd med jordskifteoverrettane i at jordskifterettane har slik kunnskap og erfaring at dei kan gjere stor nytte for seg ved å avgjere saker etter servituttløva. Departementet foreslår at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse til å avgjere det som i dag blir kalla skjøn etter servituttløva anten som eiga sak, eller i samband med sak etter jordskifteløva. Løysinga går fram av lovforslaget §§ 5-3 bokstav e, av 5-4, og av forslaget til servituttløva § 18. Forslaget byggjer mellom anna på ei tilvising frå jordskifteløva til servituttløva, slik jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme foreslår.

Når jordskifteretten blir einaste instans som kan avløse servituttar etter jordskifteløva og avskipe servituttar etter servituttløva, opnar ein for ein kombinasjon av reglane. Løysinga opnar for at jordskifteretten i praksis kan bøte på det partane meiner er utenleg ved bruk av verkemidla i jordskifte så langt desse verkemidla rekk, før jordskifteretten tek ei avgjerd for resten etter servituttløva. Ein part vil såleis prinsipalt kunne krevje bruksordning eller avløysing etter jordskifteløva og subsidiært omskiping eller avskipping etter servituttløva. Forslaget til ny jordskifteløva legg òg på andre punkt, mellom anna i lovforslaget § 5-3, opp til at det skal vere enkelt å gå frå bruk av verkemidla i jordskifte, til å ta avgjerd etter servituttløva undervegs i saka.

Departementet har, ut over dette og med bakgrunn i høyringsnotatet og innspel frå høyringsinstansane, vurdert om det òg let seg gjere å forenkle reglane i jordskifteløva og servituttløva ved å gjere dei innhaldsmessig like, eller om ei av lovene vil kunne erstatte den andre anten fullt ut eller delvis. Departementet meiner det er lite å hente ved slike løysingar. Dei kan rett nok føre til forenkling, men om dei blir gjennomførte vil dei truleg gi dårlegare resultat for partane. I ei jordskiftesak er det berre når ei jordskifteløysing gjer det nødvendig med pengeerstatning, at reglane i servituttløva vil kunne gi tenlege resultat for partane. Når det ikkje er snakk om pengeerstatning, er det sentrale i jordskiftesaka å oppnå heilskap-

lege jordskifteløysingar som omfattar alle verdiar som byttast mellom partane.

Alltidvarande bruksrettar som ligg til fast eigedom, bør etter departementets syn, framleis kunne omformast som del av eit jordskifte. Slike bruksrettar er difor omfatta av lovforslaget § 3-4. Slik regelen er i dag, kan dei òg avløysast som eiga jordskiftesak. Departementet meiner dette ikkje vil vere nødvendig i alle høve, og foreslår at om ein part krev avløysing som eiga sak, skal saka følgje reglane i servituttløva. Sjå lovforslaget § 5-4. Dersom det er reist jordskiftesak, og ein alltidvarande bruksrett som ligg til fast eigedom er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing, for eksempel fordi det ikkje let seg gjere å omforme retten, foreslår departementet likevel at jordskifteretten skal kunne avløyse den alltidvarande bruksretten som del av jordskiftet. Sjå lovforslaget § 3-12.

Slik jordskiftelova § 36 er i dag, kan òg visse alltidvarande bruksrettar som ikkje ligg til fast eigedom, bli avløyste som eiga jordskiftesak. Andre bruksrettar, som for eksempel tidsavgrensa bruksrettar eller bruksrettar som ikkje er nemnde i gjeldande jordskiftelov § 36, kan etter gjeldande jordskiftelov § 39 berre avløysast dersom rettane er til hinder for eit tenleg skifte. Dei bruksrettane dette gjeld, kan ikkje omformast som eit sjølvstendig jordskifte. Departementet foreslår at alle desse ulike konkret nemnde bruksrettane skal behandlast likt. Dersom ein part krev omskipling eller avskipping av slik bruksrett som eiga sak, foreslår departementet at saka skal avgjerast etter reglane i servituttløva. Sjå lovforslaget § 5-4. Dersom det er reist jordskiftesak og ein slik bruksrett er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing, foreslår departementet at jordskifteretten skal kunne trekkje bruksretten inn som del av jordskiftet. Sjå lovforslaget § 3-11 som gir jordskifteretten heimel for å omskipe slik bruksrett, eller avløyse han.

Departementet foreslår ut over dette at jordskifteretten skal få kompetanse til å avløyse negative servituttar som del av eit jordskifte dersom servitutten er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing. Sjå lovforslaget § 3-12. Når departementet meiner at det òg bør vere mogleg å avløyse negative servituttar som del av eit jordskifte, er det for å gjere verkemidla i jordskifte betre eigna til å løyse utenlege tilhøve i urbane strok der negative servituttar kan vere meir vanlege enn i rurale område.

Forslaga frå departementet fører til at reglane, med nokre justeringar, i det store og heile blir ført vidare om lag slik dei er. Forslaga fører vidare skiljet mellom alltidvarande bruksrettar på den

eine sida, og andre bruksrettar på hi, henta frå systematikken i gjeldande jordskiftelov §§ 36 og 39.

Nærare grunngeving for forslaga går fram av kapittel 8.16.

## 8.6 Jordskifte og reindrift

### 8.6.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at jordskifteretten ikkje skal kunne byte om på kvar samane sin rett til reindrift er, jf. høyringsforslaget § 3-6 andre ledd. Dette gjeld òg internt i reindriften.

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-9 fjerde ledd å føre vidare regelen i gjeldande jordskiftelov § 36 andre ledd som avgrensar kompetansen til å avløyse retten samane har til reindrift.

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-11 første ledd bokstav e første punktum å føre vidare heimelen i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c nr. 3 første punktum. Etter føresegna kan jordskifteretten gi reglar om bruken i område i det samiske reinbeitområdet der det går føre seg reindrift. Høyringsforslaget § 3-11 andre ledd utvidar regelen til òg å gjelde festarar på grunneigarsida. Samla gir dette jordskifteretten heimel til å gi reglar om bruken med sikte på å råde bot på beitekonfliktar mellom reindriften og andre rettshavarar utan tilknytning til reindriften.

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-11 første ledd bokstav e siste punktum å føre vidare avgrensinga i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c nr. 3 siste punktum mot bruksordning internt i reindriften.

Endeleg foreslår arbeidsgruppa i høyringsforslaget § 3-13 andre ledd å føre vidare gjeldande jordskiftelov § 34 a andre ledd om at jordskifteretten kan skipe sams tiltak som gjeld tilhøva mellom reindriften på den eine sida, og grunneigarar og bruksrettshavarar på den andre sida.

### 8.6.2 Høyringsinstansane

Høyringsinstansane uttaler seg berre om forslaget om å føre vidare forbodet i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c nr. 3 siste punktum mot bruksordning internt i reindriften.

*Norske Reindriftingsamers Landsforbund, Norske Samers Riksforbund, Reinbeitedistrikt 36 Raisduottar, Samerettsgruppa ved Det juridiske fakultet, Universitetet i Tromsø, jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme, jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme og Den Norske Advokatfo-*

*rening* foreslår at jordskifteretten skal få heimel til å halde slike bruksordningssaker.

Samerettsgruppa ved Universitetet i Tromsø viser til at lova fører til ei forskjellsbehandling som kan vere i strid med norsk lov og internasjonale rettsforplikting. I uttalen er det vist til FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar artikkel 14 om «access to court» samanhalde med forbodet mot diskriminering i artikkel 26. Samerettsgruppa meiner at gjeldande lov kan vere i strid med reglane fordi:

«en gruppe samiske rettighetshavere er fratatt muligheten til å benytte et rettslig virkemiddel for å løse sine interne beitekonflikter, samtidig som dette er tilgjengelig for å løse beitekonflikter innen jordbruket.»

I grunngivinga for denne konklusjonen viser samerettsgruppa til drøftingar i Ot.prp. nr. 28 (1994–95) Om lov om endringer i reindriftsloven, jordskifteloven og viltloven. Gruppa viser òg til uttaler frå leiaren av samerettsutvalet, Jon Gauslaa. Det blir peika på at Gauslaa meiner at grunngivinga for unntaket i jordskiftelova har betydning for om det kan vere i strid med folkeretten. Det visast elles til at Gauslaa meiner at Rt. 2001 side 769, Selbudommen, har ført til at reindriftsretten ikkje lenger kan reknast som ein kollektiv rett. Da unntaket i gjeldande regel i jordskiftelova kom inn i 1996 var reindriftsretten rekna som ein kollektiv rett. Reindriftsretten blir nå omtala som ein sjølvstendig rett med grunnlag i alders tids bruk. Dette leggjast til grunn ved erstatning for inngrep i reindriftsrettar. Erstatning kan da utbetaltast til mindre einingar innanfor det reinbeitedistriktet der det er gjennomført naturinngrep. Samerettsgruppa viser ut over dette til at Gauslaa meiner at bruksordning etter jordskiftelova kan gi grunnlag for å løyse interne beitetvistar i reindrifta. Samerettsgruppa foreslår på dette grunnlaget ei endring i jordskiftelova slik at verkemidla i jordskifte kan brukast for å avklare og ordne interne bruks- og rettstilhøve i reindrifta. Gruppa peiker òg på at det er eit påtrengjande behov for løysingar som kan føre til rettsavklaringar og bruksordningar i delar av dei samiske vinterbeiteområda. Gruppa peiker på at unntaket bør fjernast, og at Landbruks- og matdepartementets forslag frå Ot.prp. nr. 25 (2006–2007) side 48 om å styrkje to jordskiftedomstolar med reindriftsfagleg kompetanse, samisk språk og kulturforståing bør følgjast opp.

Dei andre høyringsinstansane som uttaler seg, sluttar seg til det prinsipale i denne argumentasjo-

nen, men dei er ikkje like utfyllande.

*Reinbeitedistrikt 36 Raisduottar* viser til alle forsøk på å løyse problema med beiting på andre sine beiteområde hittil har vore mislukka.

*Norske Reindrifsamers Landsforbund (NRL)* og *Norske Samers Riksforbund* meiner begge at jordskifteretten bør få heimel til å regulere tilhøve internt i reindrifta under føresetnad av at jordskifteretten blir tilført nødvendig kompetanse i reindriftsspørsmål.

### 8.6.3 Departementets vurderingar

#### 8.6.3.1 Gjeldande rett

Det er fastsett fleire reglar i jordskiftelova og i reindriftslova som gjeld jordskifte og reindrift.

#### *Bruksordning*

Det går fram av jordskiftelova § 2 første ledd bokstav c første punktum at jordskifte kan gå ut på å gi reglar om bruken i området i det samiske reinbeiteområdet der det går føre seg reindrift. I andre punktum er det fastsett at jordskifteretten likevel ikkje kan regulere bruken mellom dei som driv slik reindrift. Bruksreglar som gjeld i reinbeitedistrikta, skal etter reindriftslova § 58 første ledd fastsetjast av distriktsstyret og godkjennast av områdestyret. I tillegg går det fram av § 58 sjette ledd at talet på rein for den enkelte siida skal leggjast fram for reindriftsstyret for endeleg stadfesting og godkjenning. Dersom reglar om beitebruk slår urimeleg ut for enkelte, eller dei er i strid med særlege rettshøve, kan dei etter reindriftslova § 59 fjerde ledd setjast til side av jordskifteretten. Krav om slik overprøving må setjast fram av leiaren av ein siidaandel innan seks månader etter at områdestyret har godkjent bruksreglane. Jordskifteretten kan ut over dette og med heimel i jordskiftelova § 34 a andre punktum skipe sams tiltak som gjeld mellom reindrifta og grunneigarar eller bruksrettshavarar.

#### *Byte av rettar*

Etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b) kan jordskifteretten forme ut eigedom på nytt ved byte av grunn og rettar. Dei rettane dette gjeld, er omtala i kapittel 8.5.3.1 og er i Ot.prp. nr. 57 (1997–1998) side 118 avgrensa til «positive alltidvarande realservituttar». Reindriftsretten er ikkje ein slik rett. Jordskiftelova gir såleis i dag ingen heimel for å byte rettar mellom rettshavarar innan reindrifta.



### Avløyasing

Det går fram av gjeldande jordskiftelov § 36 at rett til reindrift i det samiske reinbeiteområdet ikkje kan avløysast.

#### 8.6.3.2 Omforming, byte av rettar og avløyasing

Innspela frå høyringsinstansane viser ikkje innendingar mot at reglane om omforming og byte av rettar og avløyasing av rettar blir ført vidare med ny jordskiftelov. Departementet har heller ikkje registrert at det ligg føre noko behov for endring i reglar som gjeld slike saker.

Departementet foreslår difor inga endring når det gjeld unntaket frå hovudregelen i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b) om kva for kompetanse jordskifteretten bør ha til å byte om på reindriftsrett som samane har. Departementet meiner likevel at det ikkje er nødvendig å nemne reindriftsrettane særskilt i lovteksten slik forslaget var i høyringa. Det må vere nok å vise til at kompetansen til jordskifteretten uttrykkeleg må gå fram av lova. Unntaket går difor som etter gjeldande reglar, indirekte fram ved at lovforslaget § 3-4 første ledd andre punktum berre gjeld bruksrettar som ligg til fast eigedom. Retten samana har til å drive reindrift fell såleis utanfor.

Departementet foreslår heller ikkje noka endring når det gjeld forbodet mot avløyasing av reindriftsretten til samane. Regelen om dette går fram av lovforslaget § 3-11 andre ledd andre punktum, men slik at § 3-11 gjeld både omskiping og avløyasing.

#### 8.6.3.3 Bruksordning

Det har ikkje kome inn merknader frå høyringsinstansane som gjeld forslaget arbeidsgruppa har om å føre reglane om bruksordning vidare i ny lov. Departementet foreslår etter dette å føre vidare jordskiftelova § 35 bokstav i. Forslaget går fram av lovforslaget § 3-8 fjerde ledd. Omtalen av endringar i lovforslaget § 3-8 går elles fram av kapittel 8.13.4. Desse endringane vil òg gjelde i saker som gjeld reindriften.

Departementet har merka seg at fleire høyringsinstansar uttaler seg om heimel jordskifteretten bør ha i høve til beitesaker internt i reindriften. Uttalane er samstemte. Slik departementet oppfatar uttalane, meiner høyringsinstansane at det vil vere tenleg for reindriften at jordskifteretten har heimel til å gjere bruksordning internt i reindriften, ikkje berre prøve om vedtaket som er gjort av områdestyret etter reindriftslova § 58 bør bli stå-

ande eller ikkje. Det kjem òg fram i enkelte uttalar, sjå ovanfor, at den manglande moglegheita til å krevje bruksordning inneber ei forskjellsbehandling som kan vere i strid med norsk lov og internasjonale forplikningar. I kapittel 2.3 foreslår departementet ein gjennomgang av spørsmålet om rettsutgreiing internt i reindriften, bruksordning og kunnskapen jordskifteretten bør ha til å løyse slike saker.

## 8.7 Kva verkemiddel jordskifteretten kan bruke

### 8.7.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-1 ei opplisting av dei verkemidla jordskifteretten skal kunne bruke i eit jordskifte. Etter høyringsforslaget skal partane ikkje kunne styre bruken av verkemidla gjennom sine påstandar. Det er likevel eit krav at bruken av verkemidla skal kunne løyse problema i saka. Partane skal etter forslaget avgjere kva problemet er.

### 8.7.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* reiser spørsmål om ikkje høyringsforslaget § 3-1 første ledd er overflødig. Justisdepartementet meiner at det går fram av høyringsforslaget § 1-3 bokstav a at jordskifte skjer ved bruk av verkemidla i kapittel 3, og at det ikkje er behov for å lovfeste fridomen jordskifteretten har til å velje verkemiddel.

Det er fleire av høyringsuttalane frå jordskifterettane som er kritiske til bruken av ordet problem i høyringsforslaget § 3-1. Dette blir behandla i kapittel 8.4 ovanfor.

### 8.7.3 Departementets vurderingar

#### 8.7.3.1 Heimel for kompetanse

Jordskifteretten må ha uttrykkeleg heimel i lov for kompetansen sin. I lovforslaget har departementet delt reglane om kompetanse i fire hovudgrupper. Den første gruppa er reglar om jordskifte der jordskifteretten kan velje eitt eller fleire verkemiddel i jordskifte for å løyse det utenlege som partane har peika på i førebuinga av saka. Verkemidla i denne gruppa går fram av lovforslaget §§ 3-4 til 3-10. Den andre gruppa er der ein bruksrett er til hinder for ei tenleg jordskiftejordskifteløysing. I slike tilfelle kan jordskifteretten ut over dei nemnde verkemidla, gi reglar for bruken av bruksretten, flytte han, endre han eller avløyse

han, sjå lovforslaget §§ 3-11 og 3-12. Jordskifteretten kan òg etter lovforslaget § 3-12 avløyse ein negativ servitut som del av jordskifte. Den tredje og fjerde typen kompetanseregulering er der jordskifteretten anten fordeler planskapt netto verdiauke etter lovforslaget § 3-30, eller fastset reglar etter lovforslaget § 3-33 om korleis skade etter ein naturskade skal delast der det tidlegare har blitt gjennomført jordskifte.

#### 8.7.3.2 Plassering av kompetanseheimlar

Departementet meiner at det av omsyn til informasjon er ønskeleg at det i innleiinga av jordskiftetekapitlet bør vere ein paragraf som slår fast kva eit jordskifte kan gå ut på. Departementet foreslår såleis at første paragrafen i kapitlet listar opp dei ordinære verkemidla i jordskifte, det vil seie dei to første gruppene som er nemnde ovanfor. Løysinga departementet har valt, byggjer på løysinga i høyringsforslaget og i gjeldande jordskiftelov, og departementet har ikkje merka seg at nokon har peikt på at dette bør endrast. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 3-1 første ledd første og tredje punktum. Reglane som gjeld for slike jordskifte går fram av lovforslaget kapittel 3 del I til IV. I tillegg er det teke inn nokre samlereglar i lovforslaget kapittel 3 del VII.

Departementet er samd med Justisdepartementet i at det ikkje er nødvendig å ha både ein definisjon av omgrepet jordskifte i definisjonsparagrafen slik det var i høyringsforslaget § 1-3, og eit noko så nær gjentak av definisjonen i høyringsforslaget § 3-1. I lovforslaget § 1-3 har departementet difor ikkje innarbeidd nokon definisjon av omgrepet jordskifte.

Etter departementets syn er den tredje og fjerde gruppa kompetanseheimlar ulik jordskifte på ei rekkje punkt. Først og fremst er oppgåva jordskifteretten har i slike saker ikkje knytt til å bøte på det partane har teke opp som utenleige eigedomstilhøve. Jordskifteretten skal anten fordele ein verdiauke, eller fordele eit tap. Departementet meiner difor at det vil kunne skape forvirring om opplistinga i lovforslaget § 3-1 òg omfattar desse verkemidla. Desse kompetanseheimlane er i staden tekne inn i lovforslaget som eigne delar, del V som gjeld fordeling av planskapt netto verdiauke, og del VI som gjeld fare for naturskade. Avgjerd i slik sak skal etter lovforslaget § 6-23 fjerde ledd, reknast som ei jordskifteavgjerd. Forslaget departementet set fram er på dette punktet noko annleis enn det som blei sendt på høyring. Det er òg annleis enn løysinga i gjeldande jordskiftelov § 2 som mellom anna listar opp fordeling

av planskapt netto verdiauke som eit verkemiddel i jordskifte.

#### 8.7.3.3 Nærare om kva verkemiddel jordskifteretten kan bruke for å bøte på utenleige eigedomstilhøve – jordskifte

Praksis etter gjeldande jordskiftelov er at jordskifteretten har heimel for å halde jordskifte for å bøte på det partane har teke opp som utenleige eigedomstilhøve. Det er opp til jordskifteretten å ta stilling til kva for verkemiddel som er best eigna til å få dette til. Departementet meiner at dette må gå tydeleg fram av lova enn i dag. Sjå drøfting av dette i samband med jordskifte og disposisjonsprinsippet i kapittel 8.4. Departementet foreslår difor at det i lovforslaget § 3-1 første ledd første punktum skal gå fram at jordskifteretten kan bruke verkemidla i §§ 3-4 til 3-10 for å bøte på det partane har teke opp som utenleige eigedomstilhøve slik det går fram av § 3-2.

Departementet meiner òg at gjeldande jordskiftelov § 2 andre ledd bør forast vidare. Førsegna seier at ei jordskiftesak kan omfatte eitt eller fleire tiltak. Departementet foreslår at ordlyden forast vidare i lovforslaget § 3-1 første ledd andre punktum.

Det går fram av kapittel 8.5 og kapittel 8.16.4 at reglane om kompetansen jordskifteretten har til å omskipe eller avløyse bruksrettar i gjeldande jordskiftelov er kompliserte, og at det er grunn til å forenkla dei. Departementet meiner med dette som bakgrunn at det bør gå tydeleg fram i ny jordskiftelov at kompetansen til å avløyse, og i ein del tilfelle òg til å omskipe slike rettar ikkje kan reisas som eiga jordskiftesak. Kompetansen jordskifteretten har, bør gjelde når det alt er reist sak, og ein rett er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing. Dette vilkåret går fram av gjeldande jordskiftelov § 39 første punktum når det gjeld andre bruksrettar enn dei alltidvarande som er nemnde i gjeldande jordskiftelov § 36. Departementet foreslår ei forenkling av reglane slik at retten i alle tilfelle må vere til hinder for å halde eit jordskifte for at jordskifteretten skal ha slik kompetanse. Departementet meiner at regelen bør gå fram av den innleiande paragrafen i jordskiftetekapitlet, og har teke han inn i lovforslaget § 3-1 første ledd tredje punktum. Det nærare innhaldet i regelen er drøfta i samband med lovforslaget §§ 3-11 og 3-12, sjå kapittel 8.16.

Det går fram av lov om bygdeallmenningar av 19. juni 1992 nr. 59 og lov om skogsdrift m.v. i statsallmenningene av 19. juni 1992 at kompetansen jordskifteretten har til å halde jordskifte i slike

allmenningar, er avgrensa. Departementet meiner at kompetansen framleis bør vere avgrensa, men at unntaket av informative grunnar bør gå fram gjennom ei tilvising i ny jordskiftelov. Sjølv avgrensinga av kompetansen jordskifteretten har vil etter lovforslaget følgje av lov om bygdeallmenningar av 19. juni 1992 nr. 59 § 1-4, lov om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane av 6. juni 1975 nr. 31 § 16 og lov om skogsdrift m.v. i statsallmenningane av 19. juni 1992 nr. 60 § 4-2. Tilvisinga til lovene går fram av lovforslaget § 3-1 andre ledd.

## 8.8 Utenleige eigedomstilhøve

### 8.8.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at ny jordskiftelov ikkje skal innehalde noko krav om at det må ligge føre utenleige eigedomstilhøve for å reise jordskiftesak. Forslaget er ei endring i høve til gjeldande jordskiftelov § 1. Denne føresegna fastset at eigedommar som det er vanskeleg å nytte ut på tenleg måte etter tid og tilhøve, kan leggjast under jordskifte. I høyringsforslaget § 3-1 heiter det at «For å løyse problema i saka, kan jordskifteretten bruke eit eller fleire av verkemidla i §§ 3-6 til 3-15.» Innhaldet i ordet «problem» kunne i praksis vere utenleige eigedomstilhøve.

Arbeidsgruppa foreslår at jordskifte skal byggje på at problema anten kan vere til stades når krav om jordskifte sendast jordskifteretten, eller at problema kan oppstå etter at kravet om jordskifte reisas. Høyringsforslaget § 3-4 andre ledd listar opp tre forskjellige pårekelege endringar som kan gi grunnlag for jordskifte. Det eine er tiltak, bygging, utbetring, vedlikehald, drift og nedlegging av anlegg. Det andre er offentleg regulering av eigarrådvelde. Det tredje er godkjent reguleringsplan eller «bebyggelsesplan» for eit byggeområde etter plan- og bygningsslova.

### 8.8.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen (DA)* foreslår å behalde vilkåret om at eigedommen må vere vanskeleg å nytte ut på ein tenleg måte etter tid og tilhøve. DA viser til at:

«Utnyttelsen av eiendommer endrer seg over tid. Den nytte vurdering som skal foretas i forbindelse med jordskifte må difor være dynamisk i forhold til endringen som skjer i utnyttelsen av eiendommer over tid. I gjeldende lov kommer dette til uttrykk gjennom at eiendom-

mer som er vanskelig å utnytte etter tid og tilhøve, kan legges under jordskifte. DA er av den oppfatning at uttrykket «tid og tilhøve» må beholdes i den nye lovteksten. Dette for å synliggjøre at vurderingen skal gjøres med hensyn til at nytte av jordskifte skal relateres til rasjonell bruk av eiendommen på det aktuelle tidspunktet.»

*Fylkesmannen i Rogaland* viser til at det er nødvendig og viktig med ei lov som kan bidra til gode og tenlege eigar- og rettstilhøve.

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* viser til at gjeldande jordskiftelov §§ 1 og 3 a er kjende og kjære reglar for jordskiftedommarane. Dei viser til at reglane er førte vidare i ei anna språkdrakt i høyringsforslaget §§ 3-2, 3-3 og 3-4. Jordskiftedommarane uttaler om forslaget at:

«Me saknar likevel dynamikken som ligg i uttrykket «etter tida og tilhøva» i den nye lovteksten. Vidare er me ueinige i at vilkåret om at situasjonen må vera «utenleg» er teke ut. Me meiner det må vera eit vilkår at eigedomane er eller vil bli utenleige etter tida og tilhøva, før ein kan gjennomføre endring ved bruk av jordskifteretten. Me rår til at dagens lov § 1 blir ført vidare i § 3-2.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* viser til at gjeldande jordskiftelov § 1 inneheld to kumulative vilkår for jordskifte. Det eine er at eigedommane må vere utenleige (vanskelege å nytte ut) slik det er i dag, eller vil kome til å bli utenleige som følgje av tiltak. Det andre inneber at dei verkemidla som kan brukast i eit jordskifte, må betre tilhøva eller løyse problema for minst ein eigedom. Jordskifterettane viser til at kravet i § 1 om å skape tenlege eigedommar òg er ein tolkingfaktor når dei materielle reglane i lova blir brukte. Ved utforming av endeleg jordskifteløysing gir dette retten eit spelerom til å kome fram til ei kreativ, praktisk og god løysing som òg skapar ei samla nytte av jordskiftet, og som sikrar at ingen part lir tap. Jordskifterettane uttaler om dette:

«Vi har oppfatte høyringsnotatet slik at vilkåret nemnd i første avsnitt blir «erstatta» med eit krav om at det skal vere tenleg med jordskifte. Dette er omskrive til eit krav om samla positiv nytte, jf. § 3-2 i utkastet. Arbeidsgruppa meiner at dette ikkje er ei realitetsendring. Dei skriv: Når eigedomsforholda kan bli betre ved eit jordskifte, kjenner ein ikkje til at krav har blitt avvist fordi eigedomane ikkje kan bli sagt å

vere vanskelege å nytte ut på tenlege måte etter tid og tilhøva (side 153 i høyringsnotatet). Vidare legg dei vekt på at ordlyden i første ledd i gjeldande § 1 er nærliggjande å knyte til næringsutøving. Når lova no gjeld heile landet, meiner dei at ordlyden ikkje er heilt god.

Vi har vidare oppfatta høyringsnotatet slik at det nemnde innhaldet i andre avsnitt ovanfor, er teke inn i utkastet til første ledd i § 1-1 (formålsparagrafen). Dei meiner at sentrale mål og tolkingsprinsipp slik blir meir tydeleg.

Elles forstår vi det slik at noko av realiteten i gjeldande lov § 1 er teke inn i utkastet: For å løyse problema i saka, kan ...

Det er for så vidt rett at ein finn att mykje av realiteten i gjeldande lov § 1 i §§ 1-1, 3-1, 3-2 og delvis i § 3-4 i utkastet. Vi meiner likevel at fjerninga, eller erstatninga slik det er uttrykt i høyringsnotatet, av vilkåret i gjeldande § 1 er ei realitetsendring. Vilkaåret i § 1 kan i enkelte saker vere eit aktuelt hinder for å fremme jordskifte. Vi kjenner til at saker har blitt nekta fremme på grunn av at § 1 ikkje var oppfylt sjølv om krava til verkemiddel, samla nytte og ikkjeetapsgarantien var oppfylt. Ved å fjerne vilkåret blir det såleis ein lågare terskel for å få behandle ei jordskiftesak. Det er ein reell nyanseforskjell mellom å konstatere at det føreligg utenlege eigedomsforhold og å konstatere at samla nytte kan bli større enn kostnadene og ulempene. Ved oppstarten på ei sak kan den positive samla nytta sjå ut til å vere marginal og i tillegg vere svært usikker. Etter utkastet kan ein i slike tilfelle ikkje nekte fremme av saka. Det kan då både vere sikrere og enklare å fastslå om det faktisk føreligg utenlege eigedomsforhold. Slik sett er vilkåret i gjeldande § 1 hensiktsmessig å ha for å hindre oppstart av saker som er marginale, eller som har ein «meningslaus» karakter.

Vi meiner at det i lova må vere eit vilkår om at det i utgangspunktet må føreligge utenlege eigedomsforhold for å få realitetsbehandla (fremma) ei sak. Retten må ha eit sjølvstendig ansvar for skjønnsmessig å vurdere om vilkåret er oppfylt i samband med avgjerd om saka skal fremmast eller ved konstatering av at realitetsbehandling tek til. Dersom fremmevedtaket fell bort, er det etter vår meining enda større grunn for at det skal vere eit vilkår om at det må føreligge utenlege eigedomsforhold.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* uttaler om tilhøvet mellom forslaget til ny regel i § 3-2 om samla netto

nytte av jordskiftet og regelen i høyringsforslaget § 3-3, at regelen i høyringsforslaget § 3-2 er unødvendig. Samtidig saknar dei delar av innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 1. Dei uttaler om dette:

« I staden meiner vi at den avgrensing av bruken av jordskifte som verkemiddel som ligg i gjeldande § 1, vilkåret om at eigedomen må vere utenleg etter tida og tilhøva, bør vidareførast i ny lov. Kravet om at eigedomane må vere utenlege er ei avgrensing i høve til kva for spørsmål som kan bli løyst ved jordskifte. Det er eitt av dei tre hovudvilkaåra som i dag blir prøvd før saka blir fremma. Kva som er utenlege eigedomsforhold er ei skjønnsmessig vurdering. Likevel er vi av den oppfatning at kravet er viktig, at det bør stå i lova og at det ikkje bør brukast jordskifteverkemiddel utan at situasjonen i ugangspunktet er utenleg.»

Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren uttaler òg om dette:

«I lovutkastet er kravet til at eigedomane skal vere vanskeleg å nytte (utenleg) tatt vekk. Rett nok brukar jordskiftelova § 3-1 uttrykket «problemet», men etter vårt syn er formuleringa i gjeldande lov ein terskel som retten skjønnsmessig må passere for å starte ein slik endringsprosess. Vi meiner difor lovgjevar i sterkare grad bør vurdere konsekvensane av å ta bort dette vilkåret, enn det som er gjort i høyringsutkastet.»

*Jordskifterettane i Hålogand jordskiftedømme* uttrykkjer seg litt annleis, men har same meining som jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme.

### 8.8.3 Departementets vurderingar

Departementet er samd med DA og uttalane frå jordskiftehald i at det bør vere eit vilkår for å bruke ressursane i jordskifteretten at ein eller fleire eigdommar eller bruksrettar må vere vanskelege å bruke på ein tenleg måte. Det bør ikkje berre vere eit formål for jordskifte at jordskifteretten skal løyse problema i saka, jf. formuleringa i høyringsforslaget § 3-1. Departementet sluttar seg òg til den grunngevinga høyringsinstansane gir for dette. Dette er eit vilkår for jordskifte etter gjeldande jordskiftelov § 1 første ledd, og det bør framleis vere det i ny jordskiftelov. Departementet meiner at vilkåret er så sentralt at det bør gå fram av ein eigen paragraf. Sjø lovforslaget § 3-2.

Det vil truleg ofte vere behov for å vise til denne paragrafen. Departementet foreslår difor å bruke omgrepet utenleige eigedomstilhøve som ei kortform i overskrifta til paragrafen. I første ledd første punktum foreslår departementet å føre vidare ordlyden i gjeldande jordskiftelov § 1 første ledd noko nær den ordlyden paragrafen har i dag. Departementet legg ikkje til grunn at forskjellige formuleringar i overskrift og lovtekst, byggjer på forskjellig meiningsinnhald. Omgrepet «tenleg» er brukt i ulike samanhengar i gjeldande jordskiftelov utan at det synest ha ulikt innhald, og alt er i dagleg tale omtala som tenleg eller utenleg. Gjeldande jordskiftelov § 1 bruker omgrepet om eigedommar som er «vanskeleg å nytte ut på tenleg måte». Etter gjeldande jordskiftelov § 34 første ledd kan jordskifteretten ordne bruk og sambruk «slik han finn mest tenleg», og etter gjeldande jordskiftelov § 39 kan andre bruksrettar enn dei som er nemnde i § 36 avløysast under eit jordskifte dersom rettane er til hinder for «eit tenleg jordskifte».

I gjeldande jordskiftelov § 1 går det ikkje fram at kompetansen jordskifteretten har både gjeld eigedom og rett. Det følgjer likevel av gjeldande jordskiftelov § 2 at jordskifte òg kan gjennomførast for rett, sjå for eksempel gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b. Vurderinga av om eigedomstilhøva er eller vil bli utenleige, er såleis aktuell anten saka gjeld eigedom, rett eller begge delar. Departementet meiner at denne løysinga òg bør gjelde i ny lov, men at det er informativt for brukarane at det i ny lov òg går fram av ordlyden av lova at vilkåret om at det må vere vanskeleg å bruke eigdommen eller bruksretten på tenleg måte, òg gjeld for bruksrettar. Departementet foreslår ei slik løysing, sjå lovforslaget § 3-2 første ledd første punktum.

Gjeldande jordskiftelov blir praktisert slik at vilkåret gjeld dersom minst ein eigedom eller bruksrett er vanskeleg å bruke. Departementet foreslår at denne presiseringa av vilkåret skal gå fram av lova. Forslaget går fram av ordlyden i lovforslaget § 3-2 første ledd første punktum som bruker formuleringa «minst ein eigedom eller bruksrett». Forslaget opnar for at ein eller fleire eigedommar eller bruksrettar kan vere vanskeleg å bruke etter tida og tilhøva. Det er ikkje noko vilkår at alle eigedommane eller alle bruksrettane er vanskelege å bruke. I ei jordskiftesak er det likevel vanleg at fleire eigedommar er vanskelege å bruke etter tida og tilhøva. Samtidig er det ikkje uvanleg at nokre av eigedommane i jordskifteområdet er tenlege som dei er. Vilkaåret for å kunne halde eit jordskifte, er da at bruken av verkemidla samla bøter på dei vanskane partane har peika på.

Gjeldande jordskiftelov § 3 som stiller krav til resultatet, mellom anna at jordskifte ikkje kan fremjast dersom kostnadene og ulempene blir større enn nytten for kvar enkelt eigedom òg blir praktisert slik, sjå for eksempel Rt. 2000 side 1119.

Gjeldande jordskiftelov § 1 bruker omgrepet «nytte ut». I lovforslaget bruker departementet omgrepet «bruke». Endringa har samanheng med den språklege oppdateringa som departementet elles har følgd i forslag til ny jordskiftelov. Det er ikkje meininga å leggje ei anna forståing til grunn med det nye omgrepet.

Omgrepet «etter tid og tilhøve» som er brukt i gjeldande jordskiftelov § 1 første ledd, opnar for at det kan takast omsyn til ei utvikling. Tilhøva kan endre seg etter kvart som tida går slik at eigedomstilhøve som tidlegare var tenlege, blir utenleige. Departementet meiner, som høyringsinstansane, at det òg i ny jordskiftelov bør leggjast til rette for at vurderinga av om eigedommane eller rettane er vanskelege å bruke må ta høgde for ei slik utvikling. Departementet foreslår etter dette inga endring i formuleringa «vanskeleg å bruke på tenleg måte etter tid og tilhøve». Løysinga inneber at jordskifteretten må gjere ei samla vurdering av alle relevante moment. I vurderinga må jordskifteretten sjå på det partane peiker ut som vanskeleg, og vurdere om verkemidla i lova kan bøte på dette. Ved avveginga må retten òg trekkje inn kostnadene med jordskiftet og eventuelle ulemper jordskifteløysinga kan føre med seg.

Finn jordskifteretten at ingen av eigedommane er vanskeleg å bruke på tenleg måte, må jordskifteretten etter lovforslaget § 6-23 fjerde ledd avvise saka.

Departementet foreslår ingen krav i lova om kva jordskifteretten skal byggje på ved vurderinga av om eigdommen er vanskeleg å bruke etter tid og tilhøve. Dette kan vere så mangt at det er best å overlate det til ei konkret vurdering i retten.

Lovforslaget § 3-2 første ledd første punktum gjeld dei tilfella der eigedomstilhøva er vanskelege å bruke etter tid og tilhøve på det tidspunktet krav om jordskifte kjem inn til retten. Etter gjeldande jordskiftelov § 1 andre ledd gjeld det same vilkåret dersom tilhøva vil bli utenleige som følgje av visse tiltak. Departementet foreslår òg at denne føresegna skal først vidare i ny jordskiftelov. I lovforslaget § 3-2 første ledd andre og tredje punktum foreslår departementet at jordskifte òg kan gjennomførast dersom det er pårekneleg at eigedommane vil bli utenleige som følgje av eit offentleg eller privat tiltak. Som offentleg tiltak reknast òg offentleg regulering av eigarrådvelde eller ved-

teken reguleringsplan med tilhøyrande omsynssone.

Departementet foreslår på same måten som i høyringsforslaget ei generalisering av ordlyden i høve til gjeldande jordskiftelov § 1 andre ledd, slik at lovforslaget § 3-2 første ledd andre punktum vil gjelde dersom eigedommane eller rettane kan bli vanskelege å bruke på tenleg måte som følgje av eit planlagt offentleg eller privat tiltak. Ingen av høyringsinstansane går mot generaliseringa. Departementet ser det da slik at det er allminnelig tilslutning til at jordskifteretten skal kunne halde jordskifte når tiltak gjer at eksisterande eigedomstilhøve vil bli utenlege etter at tiltaket er gjort. Det vesentlege er ikkje kva for tiltak som skal gjennomførast, men kva for eigedomstilhøve som er tenlege etterpå. Opplistinga i gjeldande jordskiftelov er såleis sløfya.

To tiltak er likevel etter departementets syn så annleis at departementet meiner dei krev eigen lovheimel. Departementet foreslår difor i lovforslaget § 3-2 første ledd tredje punktum at omgrepet «planlagt offentleg eller privat tiltak» etter andre punktum òg omfattar offentleg regulering av eigarrådvelde eller vedteken reguleringsplan med tilhøyrande omsynssone. Regelen fører vidare den kompetansen jordskifteretten har etter gjeldande jordskiftelov § 1 andre ledd bokstav b og gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav i til å halde jordskifte. Løysinga inneber likevel ei utviding, sjå omtalen av dette i kapittel 8.10.

Departementet meiner at vilkåret om at minst ein eigedom må vere vanskeleg å nytte ut, er grunnleggjande for å halde jordskifte. Når saka først er reist, er det etter lovforslaget § 3-1 opp til jordskifteretten å velje kva for verkemiddel som er mest eigna. Løysinga gir jordskifteretten stor fri-dom. Sjå omtale av jordskifte og disposisjonsprinsippet i kapittel 8.4. Departementet foreslår å lovfeste fridomen jordskifteretten skal ha i lovforslaget § 3-1. Departementet meiner at omsynet til rettstryggleik tilseier at det òg går fram av den nye jordskiftelova at dei eigedomstilhøva partane har teke opp som utenlege, er ein skranke for kva jordskifteretten kan behandle. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 3-2 andre ledd. Regelen er ny.

Lovforslaget § 3-16 fastslår at jordskifteløysinga ikkje kan gå lenger enn det som er nødvendig. Innhaldet i føresegna gjeld langt på veg det same som vilkåret i lovforslaget § 3-2 andre ledd. Lovforslaget § 3-2 andre ledd gjeld kva for verkemiddel jordskifteretten kan bruke. Lovforslaget § 3-16 gjeld korleis jordskifteretten kan bruke ver-

kemidla. Departementet har delt dette i to ulike paragrafar for å få dette tydeleg fram.

## 8.9 Meir tenlege eigedomstilhøve i jordskifteområdet

### 8.9.1 Høyringsforslaget

I høyringsforslaget § 3-2 foreslår arbeidsgruppa å innføre eit krav om at eit jordskifte skal føre til ei samla netto nytte. Forslaget går lenger enn gjeldande jordskiftelov § 3 bokstav a der det er fastsett at ingen skal tape.

### 8.9.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* foreslår å samle føresegnene om at ingen skal li tap og netto nytte i ein paragraf. *Domstoladministrasjonen (DA)* viser til at om ein oppfyller vilkåret om at ingen skal li tap, vil normalt vilkåret om netto nytte òg vere oppfylt. DA foreslår difor at forslaget om at eit jordskifte skal føre til samla netto nytte, skal strykast. Alle dei andre utsegnene frå jordskiftehold støttar òg dette synspunktet. *Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommarane i Frostating jordskiftedømme og jordskifteoverdommarane* uttaler for eksempel om dette:

«Regelen er overflødig, sidan vi ikkje kan sjå at det i praksis er mogleg å oppfylle regelen i § 3-3 utan samtidig og å oppfylle regelen i § 3-2. Den føreslåtte regelen peiker i retning av ei estimert, talfesta og dokumentert nytte.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* gir ut over dette uttrykk for at om ein ønskjer å behalde vilkåret om netto nytte, bør føresegna ikkje trekkje med kostnader ved skjønn etter §§ 5-3 og 5-4. Utgiftene til rettshjelp bør ikkje trekkjast inn fordi stor vilje til prosess vil da kunne virke inn på valet av løysing. Utgifter til meddommarar må på den andre sida kunne trekkjast inn. Det same gjeld utgifter til sjølve tiltaket.

*Sør-Trøndelag jordskifterett* peiker særleg på at det kan vere uklart om høyringsforslaget § 3-2 fører til at ulemper skal reknast som ein kostnads-post. Ulemper er nemnde i høyringsforslaget § 3-3. Jordskifteretten peiker på at desse paragrafene bør samordnast.

*Fylkesmannen i Hordaland* er nøgd med at vilkåret om netto nytte av jordskiftet skal gå klart fram av lova.

### 8.9.3 Departementets vurderingar

Behandlinga av ei jordskiftesak krev mykje ressursar – både domstolsressursar og ressursar frå dei involverte partane i saka. Praksis etter gjeldande jordskiftelov byggjer difor på at jordskiftet samla sett må føre til meir tenlege eigedomstilhøve i heile jordskifteområdet. I nokon mon handlar dette om korleis jordskifteretten i praksis avgrensar jordskifteområdet. Departementet meiner at det gir betre informasjon til partane i saka om dette går fram av lova som eit materielt vilkår for jordskifte. Vilkåret bør etter departementets syn, kome i tillegg til lovforslaget § 3-18 som gir eit vern mot tap for eigedom og bruksrett ved jordskifte. Vilkåret er nytt, og går fram av lovforslaget § 3-3.

Departementet meiner at vilkåret berre er aktuelt ved jordskifte etter lovforslaget §§ 3-4 til 3-10.

Departementet er samd med dei høyringsinstansane som seier at når høyringsforslaget § 3-3 er oppfylt (ingen eigedom lir tap), så vil i praksis òg høyringsforslaget § 3-2 vere oppfylt (samla netto nytte av jordskiftet). Forslaget om at jordskifte berre kan gjennomførast dersom jordskiftet samla sett fører til meir tenlege eigedomstilhøve i jordskifteområdet, er likevel etter departementets vurdering noko anna enn vilkåret i gjeldande jordskiftelov om at ingen eigedom kan li tap. Formålet med vilkåret for jordskifteløysinga i lovforslaget § 3-18, er å ta vare på rettstryggleiken for blant anna partar, rettshavarar og panthavarar. I lovforslaget går vilkåra difor fram av kapittel 3 del IV Jordskifteløysinga, og krav som må stillast til denne løysinga. Vurderinga av om jordskiftet samla sett fører til meir tenlege eigedomstilhøve i jordskifteområdet, byggjer på at det må føre til positiv nytte i jordskifteområdet å bruke samfunnsressursar på å bøte på dei utenlege tilhøva partane har peikt på. Dette handlar ikkje om rettstryggleik, men om at ressursbruken som følgjer av eit jordskifte berre kan setjast inn dersom jordskiftet kan føre til nytte. Sjølv om vilkåret er ein terskel for å setje i gang jordskifte, har terskelen såleis lite å seie for rettstryggleiken for partane.

Oppgåva jordskifteretten har etter lovforslaget § 3-3, må sjåast i lys av dette. Departementet er samd med jordskifteoverdommaren og jordskifterettsleiarane i Frostating jordskiftedømme i at det ikkje er bra å ha ein regel som kan bli forstått slik at nytten i alle jordskifte lar seg estimere, talfeste og dokumentere. Det er erfaring for at det er nyttig å skipe eit lag for drift og vedlikehald av ein privat felles veg etter lovforslaget § 3-9. Det er sam-

stundes erfaring for at nytten av veglaget er vanskeleg å talfeste. Forslaget frå departementet byggjer difor ikkje på at jordskiftet må føre til samla nytte slik høyringsforslaget la til grunn. Det må vere nok i høve til lovforslaget § 3-3 at jordskifteretten viser til at jordskiftet samla sett fører til meir tenlege eigedomstilhøve i jordskifteområdet. Formuleringane i paragrafen er ikkje til hinder for talfesting der det ligg til rette for det.

## 8.10 Ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett

### 8.10.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-6 å føre vidare kompetansen jordskifteretten har i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b og § 2 første ledd bokstav i. Etter bokstavane b og i kan jordskifteretten forme ut faste eigedommar på nytt ved ombyting av grunn og rettar. I tillegg foreslår arbeidsgruppa ein heimel til å byte om på tyngsler. I høyringsnotatet blir omgrepet tyngsler knytta til det som i juridisk terminologi er kalla negative servituttar.

Arbeidsgruppa foreslår at jordskifte etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav i skal bli eit vanleg verkemiddel i jordskifte.

### 8.10.2 Høyringsinstansane

Ingen av høyringsinstansane har merknader til forslaget om å føre vidare heimelen til ombyting av grunn og rettar. Fleire høyringsinstansar har kritiske merknader til innføringa av omgrepet «tyngsler». Nokre høyringsinstansar er òg kritiske til forslaget om at kompetansen jordskifteretten har, skal utvidast til å gjelde negative servituttar.

*Miljøverndepartementet* peiker på at regelen om byte av grunn må sjåast i ein vidare samanheng enn berre jordskifte. Miljøverndepartementet uttaler:

«Også planer, spesielt reguleringsplan, kan i stor grad brukes for å utforme eiendommer – særlig i forbindelse med utbygging og anleggs tiltak. Dette er ikke drøftet eller problematisert i utredningen, jf generell merknad i innledningen. Dette bør beskrives tydeligere.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme, jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme, Jernbaneverket og jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* er kri-

tiske til omgrepet tyngsler. *Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* uttaler:

«..., men vi stiller oss tvilande til at «tyngsler» er eit meir alminneleg uttrykk enn negative servituttar, og ikkje oppfattar vi uttrykka som synonyme heller. Negative servituttar har sin spesifikke definisjon, medan tyngsler har ei vidare tyding og kan inkludere t. d. grunnbyrder, gjerdeplikt, vedlikehaldsplikter m. m. Omgrepsbruken generelt i lova i forhold til særlege råderettar over framand eigedom bør avklarast, jf. uttrykk som bruksrett, tyngsler, servituttar og negative servituttar. Det er viktig med definerte og eintydige omgrep og at ein ikkje skiftar mellom omgrep når ein meiner det same.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* uttaler:

«Lovforslaget er relativt radikalt på dette punktet, og «forenklinga» må etter vårt syn medføre at desse sakene no kjem inn i saksmassen i større grad. Vi finn grunn til å sette spørsmålsteikn om lovforslaget er meint så radikalt som det kan lesast; at alle (grunneigarar/tiltakshavarar) kan krevje sak etter § 3-15 (alternativt «reparasjon etter §§ 3-6) med basis i godkjent reguleringsplan. Eller om desse verkemidla berre er meint i dei tilfelle kor kommunen har sett krav om fordeling av arealverdiar, jf. pbl § 12-7 nr. 13 (reguleringsbestemmelser). Generelt meiner vi det er mange overordna samfunnsomsyn som talar for ei meir effektiv gjennomføring av offentleg godkjende planar enn dagens system kor ekspropriasjon sjeldan eller aldri blir teke i bruk. Jordskifte kan for mange grunneigarar oppfattast som eit sterkt inngrep, nesten på linje med ekspropriasjon. Arbeidsgruppa har vore innoom skilnadane mellom verkemidla i jordskifte kontra ekspropriasjon. Vi trur lova, partane og jordskifteretten vil vere tent med ei enda meir grundig rettspolitisk vurdering av desse forholda i forarbeida til ny lov. Konkret bør det då vurderast om ikkje saker etter § 3-15 burde ha den skranke at kommunen har satt krav om fordeling av arealverdiar, jf. pbl § 12-7 nr. 13.»

Høyringsuttalane som gjeld forslaget om å gjere gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav i til verkemiddel i jordskifte behandlar i stor grad både forslaga om endringar i kravskompetansen, endringar i kompetanseheimelen i gjeldande jord-

skiftelov § 2 første ledd bokstav h og verdsetjinga saman. Uttalane blir difor refererte samla i kapittel 8.29.2.

### 8.10.3 Departementets vurderingar

#### 8.10.3.1 Omforming av eigedom og bruksrett

I Meld. St. nr. 9 (2011–2012) Velkommen til bords er det på side 269 lagt til grunn at ein bør føre vidare dei tradisjonelle jordskifteoppgåvene slik at drift av landbrukseigedommar kan bli meir effektiv. Reglane bør moderniserast for å dekkje behova i dag og i framtida. Ny utforming av eigedommar er ei kjerneoppgåve som jordskifteretten er aleine om å gjere i dag. Tematisk liknar oppgåva noko på omskiping etter servituttløva. Sjå omtalen av tilhøvet mellom jordskifte og omskiping og avskipping av servituttar i kapittel 8.5.3, og forslaga til endringar som er skisserte der.

I praksis skjer ny utforming av eigedommar ved at delar av dei faste eigedommane byter eigar, eller ved at rettar blir endra. Ny utforming er byte av eigedomsrett til jord utan å vere makeskifte og utan å vere handel (kjøp og sal). Den omforminga av eigedommar som Miljøverndepartementet peiker på, og som er knytt til plan, gjeld omdanning av bruken av eigedommen, medan jordskifteomdanninga endrar eigar- eller bruksrettstilhøvet. Endring av eigar- eller bruksrettstilhøve kan igjen føre til at eigarane eller rettshavarane endrar bruken av eigedommen, men det er ikkje alltid tilfelle. Jordskifte skjer som ein samla endringsoperasjon. Endringa er ikkje suksessive makeskifte mellom to og to eigedommar. Ny utforming av eigedommar liknar såleis berre på makeskifte der jordskifteområdet berre omfattar to eigedommar.

Departementet meiner at jordskifteretten òg etter ny jordskiftelov bør ha heimel til å forme ut faste eigedommar og rettar på nytt, og foreslår ein slik regel om byte i lovforslaget § 3-4. Det går fram av første ledd første punktum at jordskifteretten kan forme ut eigedommar og alltidvarande bruksrettar på nytt ved å byte om grunn og alltidvarande bruksrettar. Det går fram av andre punktum at dei bruksrettane saka gjeld, må liggje til fast eigedom. Lovforslaget § 3-4 første ledd byggjer på ein føresetnad om at dei tre varige objekta for eigedomsrett kan bytast mot kvarandre. Grunn kan bytast mot grunn eller bruksrett. Sjå lovforslaget § 3-20 første ledd som gjer dette klart.

Lovforslaget § 3-4 første ledd byggjer på gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b og bokstav i. Paragrafen må sjåast i samanheng med lovforslaget i § 3-2 første ledd. Føresegna gir jord-



skifteretten kompetanse til å halde jordskifte etter lovforslaget §§ 3-4 til 3-10. Det blir kravd at minst ein eigedom eller bruksrett i jordskifteområdet er vanskeleg å bruke på tenleg måte etter tid og tilhøve. Jordskifteretten har òg kompetanse til å halde jordskifte dersom det er pårekeleg at ein eigedom eller bruksrett kan bli vanskeleg å bruke som følgje av eit offentleg eller privat tiltak. Innhaldet i lovforslaget må lesast i lys av reglane som vil gjelde for jordskifte, særleg reglane om jordskifteløysinga i lovforslaget kapittel IV.

Lovforslaget § 3-4 andre ledd byggjer på gjeldande jordskiftelov § 48 der det er fastsett at jordskifteretten kan gjere vedtak om at vassleidningar, damanlegg, kraftleidningar og liknande, og småhus som for eksempel utløer, blir overført mot pengevederlag dersom slik overføring synest tenleg for dei partane det gjeld. I lovforslaget har ein likevel ikkje knytt eksemplet til småhus. Etter departementets meining er det ikkje størrelsen på huset som er den viktige avgrensinga mot kva jordskifteretten kan gi påbod om, men jordskifteretten må sjå til av vilkåret i lovforslaget § 3-18 er oppfylt. Har huset stor verdi for eigaren, kan dette føre til at jordskifteløysinga ikkje kan vere ei overføring av huset til nokon annan. Forslaget til § 3-4 andre ledd er også omtala i kapittel 3.5.

#### *8.10.3.2 Forslag til endringar i høve til gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b*

Departementet er samd med høyringsinstansane, mellom dei jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme, i at det ikkje er noko å oppnå ved å føre inn omgrepet «rettar og tyngsler» i staden for gjeldande omgrep som er «rettar». Departementet har på bakgrunn av dei innspela som har kome inn i høyringa, gjennomgått bruken av ulike omgrep, og hovudtrekka i det valet som er gjort av omgrep, er drøfta i kapittel 8.5.

Departementet foreslår såleis av informasjonsomsyn og i tråd med systematikken som er skissert i kapittel 8.5, at omgrepet «rettar» i gjeldande jordskiftelov endrast til «bruksrett» i lovforslaget § 3-4 første ledd. Forslaget endrar ikkje realiteten i høve til gjeldande jordskiftelov. I førearbeid og praksis er omgrepet «rettar» i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b tolka slik at omgrepet gjeld varige eller alltidvarande rettार. Departementet meiner at omgrepet «alltidvarande» er dekkjande for dei bruksrettane som går inn under føresegna, og viser til at dette er eit omgrep som er godt innarbeidd i jordskiftelova frå før, sjå mellom anna i gjeldande jordskiftelov § 36. Departementet foreslår ut over dette at det i lovforslaget

§ 3-4 første ledd andre punktum skal gå fram at bruksretten må liggje til fast eigedom.

Omgrepet «alltidvarande bruksrett» i lovforslaget § 3-4 første ledd dekkjer som i dag, mellom anna rettार i eit jordsameige anten sameiget har blitt til ved frådeling frå eit hovudbruk, såkalla ufullstendig garddeling, eller der eigedommar frå fleire gardar på eit seinare tidspunkt har skaffa seg eigedomsrett til ein felles eigedom.

I kapittel 8.5 legg departementet til grunn at det ikkje skal vere mogleg å reise sjølvstendig jordskiftesak for å omforme ein tidsavgrensa bruksrett eller ein negativ servitutt. Lovforslaget § 3-4 omfattar difor ikkje slike rettार. Slike rettार kan likevel endrast som del av eit jordskifte dersom dei er til hinder for eit tenleg jordskifte, sjå lovforslaget §§ 3-11 og 3-12.

Dersom lova bruker omgrepet «matrikkeleining» henta frå matrikkellova § 5 første ledd, i staden for omgrepet «eigedomar» som er nytta i gjeldande jordskiftelov, vil ein kunne oppnå ei harmonisering med omgrepa i matrikkellova. Departementet meiner likevel at omgrepa eigedom og grunn er godt innarbeidd i jordskiftesamanheng, og meiner dessutan at dei er enklare å forstå for den parten som vil reise og prosedere ei sak sjølv. Departementet vil òg peike på at innhaldet i omgrepa heller ikkje er likt. Ein part kan ha fleire matrikkeleiningar som brukast som ein eigedom. I slike høve må jordskifteretten kunne behandle matrikkeleiningane som ein samla eigedom. Departementet foreslår difor inga endring av omgrepa.

#### *8.10.3.3 Forslag til endringar i høve til gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav i*

Det går fram av kapittel 8.10.3.2 at lovforslaget ikkje gjer store endringar i høve til gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b. Kombinasjonen av lovforslaget §§ 3-2 og 3-4, og endring av kravskompetansen i lovforslaget § 1-5 opnar likevel for at den kompetansen jordskifteretten har etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav i tilsynelatande utvidast betydeleg. Forslaget om å oppheve den særlege regelen om verdsetjing i gjeldande jordskiftelov § 28 fjerde ledd, må òg trekjast inn i dette.

Gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav i blei innført ved ei lovendring i 2006. Regelen gir eigarar som har eigedom i eksisterande område for bygging og anlegg eller i eit nytt område for bygging og anlegg, og som får utenlege eigedommar som følgje av godkjent reguleringsplan etter plan- og bygningslova, moglegheit til å krevje jord-

skifte. Jordskifteløysinga kan reparere dei utenlege tilhøva som har oppstått. Det er gitt særlege reglar om kven som har kravskompetanse i slike saker i gjeldande jordskiftelov § 5 tredje og fjerde ledd, og det er gitt særlege reglar om verdsetjinga i gjeldande jordskiftelov § 28 fjerde ledd. Samla er den kompetansen jordskifteretten har etter denne heimelen, ikkje så omfattande som kompetansen jordskifteretten har etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b. Det går likevel ikkje fram av lovforarbeida om heimelen i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav i skal tolkast slik at han avgrensar den generelle kompetansen jordskifteretten har etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b til å behandle sak.

I Meld. St. 9 (2011–2012) Velkommen til bords er det lagt til grunn at arbeidet jordskifterettane har i urbane område bør effektiviserast, og at krava til å setje i gang sak, bør forenklast. Departementet meiner at det er viktig å stille verkemiddel til disposisjon for eigarar som får utenlege eigedomstilhøve som følgje av ein plan. Departementet kan ikkje sjå at det er rett å ha ulike reglar avhengig av kva som har ført til at eigedomstilhøva har blitt utenlege. Departementet foreslår difor å ta bort særreglane knytt til område som er regulert til bygging og anlegg. Departementet meiner elles at det er uheldig at reglane i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b og § 2 første ledd bokstav i ikkje er samordna slik at det synest vere uklart kva jordskifteretten kan gjere for å bøte på utenlege eigedomstilhøve i eit område som er regulert til bygging og anlegg. Departementet foreslår med dette som bakgrunn, og i tråd med høyringsforslaget § 3-6 å oppheve regelen for jordskifte etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav i, og at lovforslaget § 3-4 første ledd skal gjelde for alle eigedommar og bruksrettar uavhengig av kva dei er regulerte til.

Ut over uttalen frå jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme er det få høyringsinstansar som har kommentert forslaget. Departementet merker seg at jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme har etterlyst ein prinsipiell gjennomgang av tilhøvet mellom jordskifte og ekspropriasjon. Departementet oppfattar likevel innspelet slik at det først og fremst siktar mot kompetansen jordskifteretten har til å fordele planskapt netto verdiauke, sjå lovforslaget § 3-30. I Ot.prp. nr. 78 (2004–2005) side 15 blei tilhøvet mellom jordskifte og ekspropriasjon drøfta på meir generelt grunnlag i samband med innføring av heimlane i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav h og i. Departementet ser det ikkje

som nødvendig å gjere denne drøftinga på ny i samband med lovforslaget § 3-4 første ledd. I slike saker gjeld kravet i lovforslaget § 3-3 om at eigedomstilhøva i jordskifteområdet skal bli meir tenlege. I tillegg gjeld lovforslaget §§ 3-16 til 3-29. Eit sentralt element er da at jordskifteløysinga ikkje kan føre til at kostnadene eller ulempene er større enn nytten for nokon eigedom eller bruksrett. Sjå lovforslaget § 3-18. Ut over dette er det eit krav til jordskifteløysinga at grunn og bruksrettar som ein hovudregel skal leggjast ut slik at kvar eigedom får att tilsvarende den grunnverdien som eigdommen gir frå seg, sjå lovforslaget § 3-19 andre ledd. Den omforminga jordskifteretten gjer etter lovforslaget § 3-4 første ledd kan såleis ikkje samanliknast med ekspropriasjon. Ekspropriasjon byggjer på offentlegrettslege vedtak som fører til at dei som råkast, lir eit økonomisk tap. Formålet er ikkje å gjere eigedommane eller bruksrettane meir tenlege for partane, men å erstatte det økonomiske tapet dei har.

#### 8.10.3.4 *Endringar i høve til gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav d*

Gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav d gir heimel for å avløyse ei rekkje alltidvarande bruksrettar som er nemnde i gjeldande jordskiftelov § 36. Til vanleg skal avløysinga etter gjeldande jordskiftelov § 37 gjennomførast slik at det leggjast ut til bruksrettshavaren ein eigedomspart med ein verdi som svarar til bruksretten, og som gir noko så nær like laglege høve til ein bruk som fyller same behov som bruksretten. Heimelen i lovforslaget § 3-4 til å forme ut eigedom og alltidvarande bruksrett på nytt fører denne regelen vidare.

#### 8.10.3.5 *Endringar knytt til lovforslaget § 3-4 andre ledd*

Gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b gjeld eigedom og rett, sjølv om jordskifte i dei fleste tilfelle gjeld byte av grunn. Når det står ein bygning på ein av eigedommane, vil det i mange tilfelle vere vanskelegare å oppfylle vilkåret om at ingen skal tape på eit jordskifte, enn om saka berre gjeld byte av grunn. Jordskifteretten har likevel kompetanse etter gjeldande jordskiftelov til å byte bygningar. I gjeldande jordskiftelov § 48 er det òg lagt til grunn at jordskifteretten kan gjere vedtak om at vassleidningar, damanlegg, kraftleidningar og liknande, og småhus som for eksempel utløer skal overførast mot penge-

vederlag dersom slik overføring synest tenleg for dei partane det gjeld.

Departementet meiner at heimelen til å omforme eigedommar framleis bør gjelde eigedom, ikkje berre grunnen. Sjå ordlyden i lovforslaget § 3-4 første ledd. I tillegg meiner departementet det er eit praktisk behov for å føre vidare heimelen i gjeldande jordskiftelov § 48 i den nye lova. Da vil mellomlegget mellom verdiane kunne målast ut i pengar dersom ulike innretningar, anlegg eller småhus, for eksempel utløer eller garasjar, skiftar eigar. Departementet foreslår etter dette at jordskifteretten etter lovforslaget § 3-4 andre ledd skal ha heimel til å påby at vassleidningar, damanlegg, kraftleidningar og liknande som står på grunn som går i byte etter første ledd, overførast til ny eigar. Det same bør gjelde småhus som for eksempel utløer eller garasjar. Eksemplet garasjar er nytt. Departementet meiner det er eit praktisk eksempel.

## 8.11 Skiping av sameige

### 8.11.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-7 at jordskifteretten skal få heimel til å skipe sameige mellom eigedommar. Sameige skal kunne skipast for grunn, rettar og tyngsler, men ikkje bygningar.

### 8.11.2 Høyringsinstansane

Dei høyringsinstansane som har uttalt seg om spørsmålet, har ulike syn på om jordskifteretten bør få kompetanse til å skipe sameige.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* er positive til at jordskifterettane får heimel til å skipe realsameige. Dei peiker ut over dette på at det i kommentaren til lova bør nemnast andre eksempel der det vil vere aktuelt å skipe realsameiger, for eksempel i vegar, parkeringsareal, leikeplassar og andre fellesområde.

*Jordskifteoverrettane og jordskifteoverdommaren og jordskifterettsleiarane i Frostating jordskiftedømme* er òg positive til forslaget, men meiner det er uheldig dersom heimelen blir brukt til å få utmarksstrekningar tilbake til sameige. Dei uttaler om dette at det vil vere:

«langt meir naturleg i slike høve å bruke reglane om bruksordning, for å bøte på dei ulemper som er skapt ved for sterk individualisering av t.d. beite og jaktrettar. Vi vil understreke at dette verkemiddelet i første rekke må nyttast for infrastrukturtiltak, mindre fellesom-

råde for bustader m. v. Ei tilbakeføring av utmarksstrekningar til sameige har vi vanskelege for å sjå skal gje meir tenelege eigedomsforhold.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* er òg positive til ein heimel for å skipe sameiger, men meiner heimelen bør avgrensast til særlege føremål. Dommarane peiker på at å endre eigedomsforma frå eineeige til sameige må reknast som eit stort inngrep i den private eigedomsretten. Dei meiner at ikkje-tapsgarantien i høyringsforslaget ikkje er tilstrekkeleg til å ivareta interessa for ein part som risikerer å avstå areal til ei sameige. Dommarane uttaler òg om dette:

«Den rettslege standarden «særlege grunnar» er kjent i jordskiftesamanheng i dagens § 2 bokstav c nr. 2. Me ser ikkje for oss at oppretting av sameiger vil bli ein hyppig sakttype for jordskifteretten. I summe tilfelle vil det likevel vera nyttig. Som døme kan nemnast, restareal ved utbygging og der fleire bønder i fellesskap har kjøpt ein utmarkseigedom og ynskjer denne formalisert som realsameige.»

*Fylkesmannen i Hordaland* stør framlegget, medan *NORSKOG* er av dei høyringsinstansane som går mot at jordskifteretten skal kunne skipe sameige. *NORSKOG* uttaler om dette:

«Det har vært myndighetenes politikk i mange år at denne eieformen er noe man ønsker å unngå, og at det er positivt å få oppløst gamle sameier. *NORSKOG* stiller seg difor undrende til at dette forslaget i det hele tatt kommer opp i utkastet til den nye jordskifteloven. Ved å opprette sameier utsetter man i beste fall en konflikt – i verste fall skaper man fremtidige konflikter.»

*Norges Skogeierforbund* meiner òg det er grunn til å vere varsam med å skipe sameiger:

«Skogeierforbundet mener at sameie kan være en hensiktsmessig eierform for veier, vanningsanlegg osv. og for arealer som utelukkende brukes til jakt, fiske og beite. For andre arealer mener Skogeierforbundet at jordskifterettens anledning til å opprette sameier bør begrenses.»

*Statens kartverk* peiker på at regelen må vere meir presis. Kartverket uttaler:

«Det er viktig at man har en felles forståelse for og bruk av de forskjellige matrikkelenhetstypene etter de to lovene. Hvordan dette skal løses ønsker Kartverket å diskutere nærmere. Matrikkelloven har sin helt klare definisjon på hva som matrikuleres med matrikkelenhetstypen jordsameie etter matrikkellovens § 14. Andre typer realsameier matrikuleres som grunneiendom. Når det i merknadene til utkast til jordskiftelov trekkes inn det som i matrikkelforskriftsammenheng er kalt moderne realsameier, er det uklart om man mener realsameie matrikulert som grunneiendom eller jordsameie etter matrikkelforskriftens § 28. Når det gjelder bruksrettigheter, må det avklares om disse skal matrikuleres som egne enheter etter matrikkelforskriften § 30 med utfyllende informasjon om disse sontringene.»

### 8.11.3 Departementets vurderingar

Departementet er samd med jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme, jordskifteoverrettane og jordskifteoverdommaren og jordskifterettane i Frostating jordskiftedømme i at det i mange høve er behov for å skipe sameiger for infrastruktur. Vegar, parkeringsareal, vass- og kloakkleidningar, el- og IT-leidningar, leikeplassar og andre fellesområde er aktuelle eksempel. I slike tilfelle er det viktig at retten til å bruke infrastrukturen er tett knytt til dei eigedommane som har nytte av infrastrukturen. Årsaka til dette er at infrastrukturen skal avhjelpe ein varig mangel ved eigedommen. Difor er personlege og tidsavgrensa løysingar lite aktuelle.

Departementet meiner at like eigartilhøve for infrastruktur kan vere eit gode for dei som brukar infrastrukturen. Dersom nokre eigedommar berre har bruksrett til ein felles privat veg, og andre har bruksrett som grunneigar til vegen, oppstår det frå tid til annan strid mellom grunneigar og bruksrettshavar. Om denne forskjellen i rettsgrunnlaget for bruken av infrastrukturen blir fjerna, forenkler det tilhøva mellom partane, og det kan ta bort grunnlaget for slik strid. Dette gjeld truleg særleg felles infrastruktur der bruksrett gjer at det reelle innhaldet i eigedomsretten har liten verdi samanlikna med verdien av bruksretten. Veg er eit typisk eksempel. Departementet meiner på grunn av dette at jordskifteretten bør ha heimel til å skipe sameige mellom eigedommar som eiga jordskiftesak. Forslaget til heimel går fram av lovforslaget § 3-5.

Departementet ser ikkje behov for å ta inn i lova ei avgrensing av kva for type eigedom som

skal kunne bli sameige. Det vesentlege er å bøte på det utenlege med eit adekvat verkemiddel – ikkje om det er ein eigedom som berre brukast til jakt, fiske eller beite – eller at det er eit restareal ved utbygging eller ein innkjøpt utmarkseigedom som kjøparane vil ha i realsameige. Heimelen er difor generelt utforma.

Departementet er samd med Statens kartverk i at jordskifteavgjerda om å skipe sameige må vise klart kva for type realsameige dette skal vere, slik at matrikkelføringa i etterkant av jordskiftet går greitt. Departementet meiner likevel at nytt sameige som jordskifteretten opprettar, ikkje alltid kan vere eit jordsameige slik dette er definert i matrikkellova § 5 første ledd bokstav d. Etter denne føresegna kan grunn matrikulerast som eit jordsameige dersom grunnareal ligg i sameige mellom fleire grunneigedommar og der sameigepartane inngår i grunneigedommane. Jordsameige er såleis ei form for realsameige, men dekkjer ikkje alle typar realsameiger. Forskjellane mellom ulike former for realsameige er omtala slik i NOU 1999: 1 kapittel 25.2 i samband med drøftinga av kva eit jordsameige er:

«Også «realsameie» brukes til å betegne denne typen sameie. Det er viktig å presisere at utvalget bruker begrepet jordsameie som en spesiell type realsameie. Det finnes flere typer realsameier, dvs. sameier der sameieandelene ligger til andre eiendommer. Jordsameier finner en mest typisk i utmarksområder. I de senere år har det kommet til en variant av «moderne» realsameier; som fellesarealer i urbane strøk. Det kan være parkeringsplasser, lekeplasser og lignende, som er etablert som sameie med boligeiendommer i området som andelshavere, jf. plan- og bygningsloven § 25 nr. 7. Slike realsameier er ofte matrikulert som særskilt grunneiendom, og hvor tilknytningen til de eiendommer som har andel i sameiet er sikret gjennom tinglyst hefte på sameiets grunnboksblad.

De særskilt matrikulerte realsameiene kan i prinsippet pantsettes og omsettes uten at det holdes delingsforretning. Ofte vil det imidlertid være tinglyste avtaler som begrenser adgangen til særskilt pantsetting og omsetning. Slike realsameier faller utenfor definisjonen av jordsameie, og hører etter dette lovforslaget inn under de ordinære grunneiendommene.

Det er viktig å presisere at utvalget bruker begrepet jordsameie, når det er grunnen som er i felleseie. Både sameieloven og jordskiftelova

ven åpner for at også bruksretter kan ligge i sameie mellom bruk. Slike sameier faller imidlertid utenfor diskusjonen i dette kapitlet og omfattes ikke av lovforslaget.»

Drøftinga av behovet for å skipe sameige mellom eigedommar viser at behovet særleg er til stades i dei tilfella som NOU 1999:1 omtalar som moderne realsameiger – og som i matrikkelsamanheng er haldne utanfor omgrepet jordsameige. Departementet meiner såleis at heimelen for å skipe sameige ikkje kan avgrensast til berre å gjelde slike sameige som fell inn under omgrepet jordsameige etter matrikkellova. Jordskifteretten må for eksempel òg kunne skipe realsameige som grunneigedom. For å leggje til rette for at matrikkelen betre kan vise eigarforholda, bør jordskifteretten skipe realsameiget som grunneigedom der jordskifteretten skipar nye realsameiger med heimel i lovforslaget § 3-5.

Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme meiner at nye sameiger berre bør kunne skipast dersom det ligg føre «særlege grunnar». Departementet er samd i at det bør vere vilkår for å skipe nye sameiger. Departementet meiner likevel ikkje at det er nødvendig å knytte kompetansen til særlege grunnar. Verkemiddelbruken i eit jordskifte skal bøte på utenlege eigedomstilhøve. Jordskifteretten kan i mange tilfelle gjere dette ved å skipe sambruk mellom eigedommar etter lovforslaget § 3-9 (bruksordning). Slik sambruk vil ofte vere eit alternativ til å skipe jordsameige. Bruksordning er eit mindre inngrep i den private eigedomsretten enn å skipe sameige. Departementet foreslår difor at jordskifteretten i slike høve først bør ha prøvd å bøte det utenlege gjennom bruksordning. Dersom det gir ei dårlegare løysing enn å skipe sameige, bør jordskifteretten kunne skipe sameige. Departementet ser at dette forslaget både har trekk av å vere krav til saksbehandlinga (rekkefølge), og av å stille kvalitetskrav til jordskifteløysinga. Trass i dette meiner departementet at vilkåret bør innarbeidast i kompetanseheimelen. Sjå lovforslaget § 3-5.

Departementet foreslår etter dette ein heimel i lovforslaget § 3-5 for jordskifteretten til å skipe sameige mellom eigedommar dersom dette bøter på dei utenlege eigedomstilhøva på ein betre måte enn ved å gi reglar om sambruk mellom eigedommar.

## 8.12 Oppløysing av sameige og sambruk mellom eigedommar. Deling av eigedom

### 8.12.1 Høyringsforslaget

Gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav a gjeld kompetansen jordskifteretten har til å løyse opp sameigetilstanden når grunn eller rettar ligg i sameige mellom bruk. Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare denne kompetansen i høyringsforslaget § 3-7. I tillegg fekk jordskifteretten ein uttrykkeleg heimel til å løyse opp sameiget heilt eller delvis, og til å løyse opp slik sameigetilstand for tyngsler.

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-8 første ledd å føre vidare heimelen i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav g til å dele ein eigedom med tilhøyrande rettar etter eit bestemt høvetal.

I hovudtrekk foreslår arbeidsgruppa i høyringsforslaget § 3-18 andre ledd å føre vidare gjeldande jordskiftelov § 27. Hovudregelen i høyringsforslaget er at sameige skal delast etter partshøvet. Ut over dette legg arbeidsgruppa til grunn at om ikkje særskilt høvetal er kjent, eller nokon eigedom har særrettar i sameiga, skal sameiget delast etter den skatteskylda kvar eigedom hadde da sameigetilhøvet mellom dei kom opp. Dersom skatteskylda er ukjent, skal delingshøvet byggje på den skylda som galdt fram til lov frå 17. desember 1836. Det skal ikkje takast omsyn til avtak i skatteskylda.

Arbeidsgruppa foreslår dessutan i høyringsforslaget § 3-8 andre ledd å føre vidare gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav f. Forslaget inneber at når minst to kjøper tilleggsjord til landbruks eigedommane sine, skal jordskifteretten kunne dele og forme ut eigedommane. Forslaget omfattar òg frådeling av tun kombinert med sal av tilleggsjord. I slike høve er det nok at det er ein kjøpar til tilleggsjorda.

### 8.12.2 Høyringsinstansane

Departementet har ikkje motteke uttaler som gjeld høyringsforslaget § 3-7 så langt det gjeld oppløysing av sameige.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* uttaler at ordet bestemt i høyringsforslaget § 3-8 første ledd bør erstattast med ordet innbyrdes. *Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* går mot at jordskifteretten skal få heimel til tvangsoppløysing av personlege sameiger etter sameigelova § 15. *Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler i samband

med forslaget om å behalde innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav g, at:

«Dette er et godt forslag da vi antar at det vil kunne bli mange slike saker etter hvert. I kommentaren til forslaget vises det til at det er tilstrekkelig at en part i personlige sameier, krever saka, noe som anses som videreføring av dagens lovbestemmelse. Det anses som hensiktsmessig, men burde gå tydeligere fram av lovteksten.»

Nokre uttalar gjeld høyringsforslaget § 3-8 andre ledd om å føre vidare gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav f om å dele og nyutforme tilleggsjord til landbruksseigedommar.

*Fylkesmannen i Hedmark ved Landbruksavdelinga* uttaler:

«Selv om Jordfondet nå er avviklet mener vi at behovet for å kunne gjennomføre tiltak som bedrer forholdene for landbruket fortsatt vil være av stor betydning. Fylkesmannen vil understreke betydningen av at loven legger opp til å videreføre bruken av jordskifte for å legge til rette for gode løsningar for landbruket. Vi antar at det fortsatt vil kunne tenkes tilfelle hvor det i forbindelse med konsesjonsbehandling vil kunne være aktuelt å sette som vilkår at det kreves jordskifte for å kunne bedre eiendomsstrukturen i området der eiendommen ligger. Videre antar vi at bruken av jordskifte som redskap for å bedre eiendomsforholdene vil være en naturleg del av jord- og konsesjonsmyndighetenes veiledningsoppgaver.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner det er viktig å føre vidare gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav f i ny jordskiftelov. Jordskifterettane viser til at det er viktig å ha ein stad å vende seg til for dei partane som ønskjer eigedomsmessige endringar i samsvar med formålet i jordlova og som ønskjer å halde transaksjonskostnadene nede. Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme meiner òg at dette vil kunne vere ein aktuell sakstype.

### 8.12.3 Departementets vurderingar

#### 8.12.3.1 Gjeldande reglar

Med heimel i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav a kan jordskifte gå ut på å løyse opp sameigetilstanden når grunn eller rettar ligg i sameige mellom bruk. Heimelen gjeld «mellom

bruk», og gjeld slik sameigepart som ikkje kan avhendast, utløysast, delast eller oppløysast etter sameigelova §§ 10 andre ledd, 13 andre ledd, 14 tredje ledd eller 15 femte ledd. Gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav a gjeld oppløysing av sameigetilstanden. Sambruk mellom eigedommar der fleire har felles bruksrettar, kan òg oppløysast etter denne heimelen, sjå gjeldande jordskiftelov § 27 som fastset at sameiget i slike høve skal delast etter partshøve. I sak etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav a skjer det ei omforming av eksisterande matrikkeleiningar. Det opprettast ikkje nye matrikkeleiningar eller eigedommar. Spørsmål om delingsløyve er ikkje aktuelt.

Etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav g kan jordskifte gå ut på å dele ein eigedom med tilhøyrande rettar etter eit bestemt høvetal. Heimelen gjeld utan omsyn til om eigdommen ligg i sameige eller ikkje. I praksis har regelen noko å seie for personlege sameiger. I sak etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav g skjer ei deling av eigedom. Det blir etablert ein ny matrikkeleining, eller nye matrikkeleiningar.

Etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav f kan jordskifte gå ut på å forme ut og dele eigedommar når grunn og rettar skal avhendast i samsvar med formålet i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova). Sak etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav f kan resultere i færre, like mange eller fleire matrikkeleiningar enn dei som eksisterer før saka tek til.

Ved sak etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav g og f, må tilhøvet til reglar som set forbod mot deling avklarast. Etter jordlova § 12 femte ledd er samtykke til deling ikkje nødvendig dersom det i samband med offentleg jordskifte er nødvendig å dele eigedom. Det går fram av Veileder om jordskiftevirkemidler i byer, tettsteder og hytteområder at det er uklart om det er nødvendig med delingsløyve frå kommunen ved deling som skjer i samsvar med offentleg godkjent plan etter plan- og bygningslova (nå § 20-1 bokstav m), men at løyve truleg ikkje trengst i ein slik situasjon. Føresetnaden for dette er at «omforminga er i samsvar med den arealbruk som er vist i planen, og i de tilfellene tomtedeling er vist, ikke i strid med denne.»

#### 8.12.3.2 Oppløysing av sameige og sambruk mellom eigedommar

I gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav a går det fram at jordskifte kan gå ut på å løyse opp

sameigetilstanden når grunn eller rettar ligg i sameige mellom bruk. Departementet meiner at det er behov for ein slik heimel i ny jordskiftelov. Sameige eller sambruk «mellom eigedom» kan ikkje oppløysast etter sameigelova. Det kan likevel oppstå behov for slik oppløysing, anten som del av ei større jordskifteløysing, eller som eiga sak.

Heimelen gjeld i dag «sameige mellom bruk», og er i praksis tolka slik at han gjeld alle typar eigedommar. Departementet meiner at formuleringa i gjeldande jordskiftelov bør endrast slik at ho blir meir generell i den nye jordskiftelova. Oppløysing av realsameige er aktuelt anten sameiget gjeld landbrukseigedom eller andre typar eigedommar. Det sentrale er om sameiget hindrar ei tenleg utnytting av eigedommen. Departementet foreslår difor ein ordlyd som viser at heimelen jordskifteretten har til å løyse opp sameige og sambruk «mellom eigedommar» (realsameige, eller felles bruksrettar som ligg til eigedom) forast vidare. Forslaget går fram av lovforslaget § 3-6 første punktum.

Gjeldande regel er tolka slik at oppløysing av realsameige kan skje fullt ut, eller delvis. Dette går ikkje fram av lovteksten i dag. Departementet meiner at det av omsyn til partar som prosederer sjølve er ønskeleg at dette går klart fram av ordlyden i lova, og foreslår ei formulering som dekkjer dette i lovforslaget § 3-6 andre punktum.

#### 8.12.3.3 *Deling av eigedom*

Departementet meiner òg at det er behov for ein regel som gir heimel for å dele eigedom med tilhøyrande bruksrettar etter eit bestemt høvetal. Regelen går fram av lovforslaget § 3-7 som dekkjer både deling etter gjeldande jordskiftelov § 2 bokstavane g og f. Lovforslaget § 3-7 tek ikkje sikte på å gi jordskifteretten ein generell kompetanse til å dele eigedom. Forslaget byggjer på gjeldande heimlar. Dette betyr at jordskifteretten vil kunne dele ein eigedom i to ulike situasjonar. Den eine situasjonen gjeld eigedom som er i personlege sameiger. Den andre situasjonen er der nokon kjøper tilleggsjord.

Om eigarar i eit personleg sameige ønskjer å dele eigedommen mellom seg, må dei søkje delingssamykke anten etter plan- og bygningslova, etter jordlova eller begge dei to lovene. Er eigarane ikkje samde om å søke delingsløyve, kan eigedommen ikkje delast, men ein eigar kan krevje at sameiget oppløysast med heimel i sameigelova § 15. Heimelen i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav g til å dele ein eigedom der-

som sameiget er til hinder for ei tenleg utnytting av eigedommen er eit alternativ til oppløysing etter sameigelova § 15. Departementet meiner at det er behov for ei slik løysing. For nokre eigedommar vil deling vere det mest naturlege. Eit eksempel kan vere der det er bygd fleire bustader eller fritidshus på same matrikkeleining, og bygningane er i eineeige medan grunnen er felles. Departementet meiner samstundes at løysinga må ta høgde for at nødvendige delingsløyve må liggje føre. Departementet foreslår difor ei endring i jordlova slik at unntaket frå delingsforbodet i jordlova § 12 femte ledd ikkje skal gjelde dersom jordskifteretten fastset at ein eigedom skal delast etter lovforslaget § 3-7. Endringa går fram av lovforslaget § 9-7 nr. 15.

Departementet meiner at jordskifteretten bør kunne dele og nyutforme landbrukseigedom i samband med sal av tilleggsjord slik løysinga er i dag etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav f. Landbruksareal har låg verdi, og transaksjonskostnadene i samband med frådelling og registrering i matrikkelen kan fort bli så store at det ikkje blir lønsamt for partane å kjøpe tilleggsjord. Nokre høyringsinstansar, til dei jordskifterettane i Agder jordskiftedømme, viser til at jordskifteretten alt før salet av tilleggsjord er gjennomført, bør kunne leggje til rette for å dele og forme ut eigedommar i samband med overdraging av tilleggsjorda. Departementet er samd i det. Dette er ei løysing i gjeldande jordskiftelov som er effektiv, og som fører til låge kostnader for partane. Alternativet er å overføre i fleire trinn. Først ved ei formell frådelling av tilleggsjorda med skiping av ein eller fleire nye matrikkeleiningar. Deretter ved overskøyting av den frådelt eininga. Til sist kan kjøparen eller kjøparane av tilleggsjord krevje jordskifte for å få utforma eigedommen på nytt med heimel i lovforslaget § 3-4. Departementet meiner at behovet for ein regel om deling i samband med kjøp av tilleggsjord er dekkja i lovforslaget § 3-7.

#### 8.12.3.4 *Gjeldande jordskiftelov § 27 og sameigelova § 2*

Oppløysing av sameige skjer ved at jordskifteretten skiftar sameiget etter partshøvet i sameiga. Det går fram av lovforslaget § 3-13 første ledd at jordskifteretten skal fastsetje eigedomsrettstilhøva slik dei er. Departementet kan ikkje sjå at det ut over dette er nødvendig å føre vidare reglane i gjeldande jordskiftelov § 27 andre til fjerde punktum om at sameiget skal delast etter skatteskyld. Ein nokonlunde lik regel finst i

sameigelova § 2 andre ledd, og departementet meiner at regelen der er tilstrekkeleg.

#### 8.12.3.5 *Tilhøvet til forboda mot deling i jordlova og plan- og bygningslova*

I kapittel 8.12.3.1 visast det til at jordskifteretten etter gjeldande jordskiftelov ikkje treng hente inn delingsløyve etter jordlova eller plan- og bygningslova når eigedommen delast etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav a. Anten partane eller jordskifteretten må likevel hente inn delingsløyve dersom det skjer ei deling etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav g eller f.

Departementet er samd med Miljøverndepartementet i at jordskifteretten ikkje bør ta seg av alminnelege frådelingar av fast eigedom. Ei slik løysing kan føre til uklar rollefordeling mellom forvalting og domstolar. I samband med jordskiftesaka bør jordskifteretten her, som i andre saker der forvaltninga er tillagt særlege oppgåver, innhente nødvendige løyver, sjå lovforslaget § 3-17. Departementet meiner at ei slik tolking ligg innanfor den ordlyden jordskiftelova har i dag, og foreslår som eit utgangspunkt ikkje særskilde reglar i lovforslaget §§ 3-6 eller 3-7 på grunn av dette.

Departementet meiner samstundes at det er forskjell på kva jordskifteretten gjer etter lovforslaget §§ 3-6 og 3-7. Det er berre jordskifteretten som har kompetanse til å oppløyse sameige etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav a og lovforslaget § 3-6. Partane har sjølv ikkje heimel for å gå utanom dei tvingande reglane i sameigelova, og den eigedommen som blir delt skal leggast til den same eigedommen som allereie er eigar av den aktuelle parten. Oppgåva jordskifteretten har i slike høve har såleis meir karakter av å vere ei omformingsoppgåve enn ei deling. Departementet meiner difor at det, som etter gjeldande jordlov, ikkje vil vere behov for å søkje kommunen om delingsløyve i slike høve. Den oppgåva jordskifteretten vil få etter lovforslaget § 3-7 er på den andre sida ei ordinær deling. Departementet foreslår med dette som bakgrunn eit nytt punktum i jordlova § 12 femte ledd som gjer det klart at delingsforbodet i jordlova vil gjelde ved deling etter lovforslaget § 3-7. Sjå lovforslaget § 9-7 nr. 15 jordlova § 12. Departementet ser det ikkje som nødvendig med ei tilsvarande endring av ordlyden i plan- og bygningslova.

#### 8.12.3.6 *Negative servituttar*

Med den løysinga departementet foreslår når det gjeld omskiping og avskipping av servituttar, sjå kapittel 8.5, foreslår departementet ikkje nokon heimel til å oppløyse «tyngsler» (negative servituttar) som er i ein situasjon som liknar på sameige slik forslaget var i høyringsnotatet. Departementet meiner at servituttlova § 7 om avskipping er eit adekvat verkemiddel for å bøte på dei utenlege eigedomstilhøva som kan ha rot i negative servituttar.

#### 8.12.3.7 «Blanda» sameiger

Departementet er kjent med at nokre eigedommar er eigd i ei form for blanda sameige der nokre eigardelar kan liggje til eigedommar (realsameige), medan andre eigardelar er personlege sameigeandelar. Dei eigardelane som ligg til eigedom, er da eit realsameige som jordskifteretten kan løyse opp etter lovforslaget § 3-6. Dei andre eigardelane er eit personleg sameige som retten kan løyse opp etter lovforslaget § 3-7.

## **8.13 Reglar om sambruk (bruksordning)**

### **8.13.1 Innleiing**

Gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c nr. 1 gir jordskifteretten heimel for å gi reglar om bruken der det er sambruk mellom eigedommar. Når det er sambruk mellom eigedommar, har to eller fleire eigedommar for eksempel rett til å bruke ein veg over annan fast eigedom, ei avkjørsle eller rett til å sleppe dyr på beite på ein annan eigedom. Det er òg sambruk der fleire eigedommar har ulike typar bruksrettar på same eigedom. Når sambruk gjeld mellom eigedommar, må bruksretten liggje til eigedommen. I nokre høve er det ikkje snakk om sambruk mellom eigedomman men felles bruk for fleire personar, eller det skjer ein faktisk sambruk mellom eigedommane utan at nokon har ein klart etablert bruksrett. I desse tilfella går den kompetansen jordskifteretten har, fram av gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c nr. 2. Jordskifteretten kan såleis gi reglar om bruken i område der det ikkje er sambruk mellom eigedommar frå før, når jordskifteretten finn at det ligg føre særlege grunnar.

Gjeldande jordskiftelov inneheld ei rekkje andre reglar om å gi reglar for bruken av eigedommar. Departementet meiner at kompetansen jordskifteretten har til å gi reglar om bruken, bør



førast vidare i ny jordskiftelov. Det er likevel behov for å rydde i heimlane.

Departementet deler inn drøftinga av dei ulike spørsmåla som er aktuelle i denne samanhengen, i ei rekkje underkapittel. I kapittel 8.13.2 drøftast spørsmålet om jordskifteretten bør ha ein generell heimel for som eiga sak å gi reglar om bruk der det er sambruk mellom eigedommar. Kapittel 8.13.3 gjeld spørsmål om jordskifteretten bør kunne fastsetje reglar for bruken der det ikkje er sambruk frå før. I kapittel 8.13.4 blir det drøfta om jordskifteretten skal kunne fastsetje reglar for sambruk av uteareala til eigarseksjonar. Kapittel 8.13.5 gjeld reglar for beite i allmenningar. I kapittel 8.13.6 er spørsmål om kva reglar om bruk ved sambruk mellom eigedom kan gå ut på, drøfta. Kapittel 8.13.7 gjeld spørsmålet om jordskifteretten skal ha heimel for å gi reglar om bruk for visse personlege sameiger. Kapittel 8.13.8 gjeld den kompetansen jordskifteretten har etter jordlova § 10 til å gjere bruksordning og avløyse retten til å ta ut torv.

### **8.13.2 Generell heimel for å gi eller endre reglar om bruk ved sambruk mellom eigedommar**

#### *8.13.2.1 Høyringsforslaget*

Arbeidsgruppa foreslår å behalde heimelen i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c nr. 1 for jordskifteretten til å gi reglar om bruken i område der det er sambruk mellom eigedommar. Innhaldet blei innarbeidd i høyringsforslaget § 3-11. I høyringsforslaget foreslår arbeidsgruppa ut over dette å føre vidare heimelen i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c nr. 2, 3 og 4. Jordskifteretten skal såleis ha kompetanse til å gi reglar om bruken i eit område der det ikkje er sambruk mellom eigedommar, gi reglar om bruken i personlege sameige i skogeigedom, og i eigedom som for storparten ligg over barskog-grensa, samt for område i det samiske reinbeite-området der det går føre seg reindrift.

Forslaget inneber elles ei generalisering av reglane om kva som kan vere grunnlag for ei sjølvstendig sak om bruksordning. Det følgjer av at arbeidsgruppa foreslår at opprekninga i gjeldande jordskiftelov § 35 av kva bruksordning kan omfatte, skal falle bort, slik at heimelen for bruksordning blir § 3-11. Det blir ikkje skilt mellom saker der det er sambruk mellom eigedommar frå før, og der saka gjeld det å skipe sambruk.

Høyringsforslaget § 3-28 fører vidare føresegna i gjeldande jordskiftelov § 52 om at jordskif-

teretten kan gi reglar om gjerdeplikt og gjerdehold. Dette kan vere grunnlag for sjølvstendig sak.

#### *8.13.2.2 Høyringsinstansane*

Høyringsinstansane går ikkje imot forslaget i høyringsnotatet om å føre vidare føresegner om å kunne gi reglar om sambruk mellom eigedommar der det ikkje er slik sambruk frå før.

*Jordskifterettane i jordskiftedømme i Agder og i Hålogaland, jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme, Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for Miljø- og Biovitenskap og Domstoladministrasjonen (DA)* tilrår at føresegnene om å gi reglar for sambruk, blir slått saman slik at det blir ei føresegn uavhengig av om det er slik sambruk frå før eller ikkje. Med litt forskjellige ord gir dei uttrykk for at gjeldande føresegner dekkjer alle område i landet. Når summen av to føresegner gir likt resultat, meiner dei at det bør vurderast å skrive dei saman til ei føresegn.

Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme støttar ikkje dette synet. Dei uttaler om bortfallet av gjeldande jordskiftelov § 35 at dei færraste veit kva ei bruksordning kan gå ut på. For sjølvprosederande partar og for advokatar er det difor behov for å vere meir konkret og vise kva for tilhøve som kan løysast som bruksordning. Jordskifterettane meiner at opprekninga i gjeldande jordskiftelov bør behaldast. Ho bør ikkje vere uttømmmande, og ho bør kunne oppdaterast og kompletterast. Jordskifterettane viser til at ei slik løysing skipar ei forståing for kva bruksordning er, og viser elles til at det ved søking på internet for eksempel etter ordet jakt, vil ein få tilslag på jordskiftelova. Dette vil gjere synleg kva jordskifteretten kan gjere.

DA viser til at det bør vere samsvar mellom reglane om skiping av sameige etter høyringsforslaget § 3-7, og den generelle moglegheita til å skipe bruksordning mellom eigedommar.

Det er fleire høyringsinstansar som gjeld høyringsforslaget § 3-28 om gjerdehold.

Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme reiser spørsmål ved om gjerdeføresegner er bruksordning eller sams tiltak, eller om det ikkje er nokon av delane. Dei meiner at føresegna i høyringsforslaget § 3-28 i hovudsak anten er bruksordning eller sams tiltak. Dei viser til at ei eventuell sperre eller eit sikringsgjerde som står på ein eigedom og berre er til nytte for ein annan eigedom, fell utanom dette. Slik sperre eller slikt sikringsgjerde kan etablerast ved jordskifte som omfattar meir enn slikt gjerde, men ikkje som eiga

sak. Skal slikt gjerde etablerast utan andre verke-middel i jordskifte, må det skje ved skjønn.

*Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner at føre-segna om gjerde fell inn under bruksordning og sams tiltak. Jordskifteretten meiner difor at rege-len kan strykast eller flyttast til kapittel 3 II.

Institutt for landskapsplanlegging ved Univer-sitetet for miljø- og biovitenskap meiner at andre ledd fell inn under dei generelle føresegnene om oppgjer, og at leddet kan takast ut. Instituttet pei-kerpeiker elles på at føresegna er avgrensa til å gjelde dei som gir frå seg eit gjerde, og stiller spørsmål ved om ikkje den same føresegna bør gjelde for dei som får gjerdeplikt.

DA reiser spørsmål ved om det er nødvendig med ei eiga føresegn som gjeld gjerde. DA uttaler:

«Faller ikke bestemmelsen inn under de gene-relle reglene under § 3-11 eller § 3-13? Dersom departementet er av den oppfatning at det er behov for å ha gjerdehold som en egen sak, så bør bestemmelsen flyttes inn under romertall II i kapittel 3.»

### 8.13.2.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår, i tråd med forslaget i høy-ringsnotatet og innspel frå høyringsinstansane, at heimelen i jordskiftelova til å gi reglar om bruken der det er sambruk mellom eigedommar, bør førast vidare i ny jordskiftelov. Føresegna om dette er innarbeidd i lovforslaget § 3-8. Departementet viser til at det å fastsetje reglar om sam-bruk (bruksordning) mellom eigedommar er ei kjerneoppgåve for jordskifterettane i dag, og at saksporfølgen i dag viser at det er eit behov for at retten kan fastsetje bruksordningar òg i fram-tida. I ordlyden i lovforslaget § 3-8 første punktum foreslår ein ei presisering som viser at jordskifte-retten anten kan gi eller endre reglar for sambruk. Endringa lovfestar praksis etter gjeldande jord-skiftelov.

Departementet meiner på same måten som arbeidsgruppa, at ein bør kunne generalisere reglane om kva som kan vere grunnlag for ei sjølvstendig sak om bruksordning. I gjeldande jordskiftelov er det etter måten forskjellig felles bruk som kan ordnast. Etter gjeldande jordskifte-lov § 35 kan bruksordning omfatte grensefast-setjing for hamnelag (§ 35 bokstav a), avløyning av beiterett (§ 35 bokstav b), ny utforming av eige-dommar gjennom flytting av seter (§ 35 bokstav c), oppløysing av fellesskap gjennom å gjere slutt på samarbeite mellom hamnelag (§ 35 bokstav b) og skiping av nytt fellesskap gjennom skiping av nye

(hamne)lag (§ 35 bokstav a). Opprekninga i denne paragrafen av ulike former for felles bruk er ikkje er uttømmende. Lovteknisk overlappar dessutan heimlane i gjeldande jordskiftelov § 35 og § 2 første ledd bokstav c og til dels òg § 2 første ledd bokstav h kvarandre. Overlappinga kan etter-late tvil om kva heimlane eigentleg gjeld.

Departementet kan ikkje sjå at det er nem-nande å hente ved å halde fast ved gjeldande regelteknikk som byggjer på ei tilsynelatande til-feldig opprekning i lova av tiltak som jordskifteret-ten kan behandle. Ei konkret opprekning vil ikkje kunne vere uttømmende, og ho kan fort bli lang og uoversiktleg. Fordelen jordskifterettane i Hålo-galand jordskiftedømme peiker på, med at det blir lettare å søkje på ulike tema på internett, må kunne løysast på annan måte. Tiltaka kan for eksempel nemnast i proposisjonen her i samband med reglane om felles bruk. Departementet fore-slår såleis å samle kompetansen jordskifteretten skal ha til å fastsetje reglar for sambruk, i ein generell heimel. Lovforslaget gir heimel for å gi reglar for sambruk mellom eigedommar. Løy-singa gjer innhaldet i regelen eintydig, og ho er i samsvar med målet om å forenkla jordskiftelova. Forslaget går fram av lovforslaget § 3-8 første ledd første punktum. Det er ikkje meininga at forenk-linga skal føre til at verkemiddel forsvinn.

Gjeldande jordskiftelov § 52 gir jordskifteret-ten heimel til å gi reglar om gjerdeplikt og deling av gjerdehald innanfor jordskifteområdet og mot naboeigedom. Høyringsforslaget § 3-28 fører dette vidare. Fleire høyringsinstansar har peikt på at den generelle regelen og regelen om gjerde overlappar einannan. Departementet foreslår ingen særlege reglar om kompetanse om bruks-ordning for gjerde. Slik bruksordning kan da gje-rast som ein del av den generelle føresegna om bruksordning, sjå lovforslaget § 3-8. Departemen-tet viser til grannegjerdelova § 14 andre ledd uttrykkeleg seier at jordskifteretten avgjer spørs-mål om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling der det er kravt mellom anna bruksordning etter jordskiftelova. Departementet går imot ei opplis-ting av ulike formål bruksreglar kan fastsetjast for. Dette fører til at departementet meiner at gjerde-hald ikkje må nemnast særskilt i paragrafen. Departementet er elles samd med dei høyringsin-stansane som peiker på at spørsmål om gjerde-hald både kan ha karakter av å vere bruksord-ning, og av å vere felles tiltak, jf. lovforslaget § 3-9. I denne samanheng tek ein opp det som har med bruksordning å gjere.

Lovforslaget § 3-8 gjeld «sambruk mellom eigedommar». Heimelen i gjeldande jordskiftelov

§ 2 første ledd bokstav c punkt 3 første punktum til å gi reglar om bruken mellom reindrifta og grunneigarar i det samiske reinbeiteområdet der det blir drive reindrift, blir ført vidare i lovforslaget § 3-8 tredje ledd første punktum. Gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c punkt 3 andre punktum blir òg ført vidare. Det inneber at jordskifteretten ikkje kan regulere tilhøva mellom dei som driv slik reindrift.

#### 8.13.2.4 Særleg om oppheving av gjeldande jordskiftelov § 35

Departementet foreslår å oppheve gjeldande jordskiftelov § 35. Sjø grunngivinga i kapittel 8.13.2.3 der ein foreslår ein generell heimel for at jordskifteretten kan fastsetje reglar om bruken der det er sambruk mellom eigedommar. Innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 35 gir likevel jordskifteretten kompetanse til å gjere meir enn berre å fastsetje reglar om bruken. Heimelen omfattar for eksempel fastsetjing av grenser a) og e) til j), oppløysing av fellesskap a) og b), etablering av fellesskap a), utmåling av vederlag b), flytting c), ny utforming av bruksrettar d), og så vidare. Sjølv om departementet foreslår å oppheve gjeldande jordskiftelov § 35, meiner departementet at dette ikkje fører til at verkemiddel som er nemnde i føresegna, blir borte. Formålet med gjennomgangen nedanfor er å vise dette.

I ei jordskiftesak kan jordskifteretten på same måten som i gjeldande jordskiftelov, ta i bruk dei ulike verkemidla i jordskiftetekapitlet for å oppnå ei tenleg løysing sett i lys av krava partane har sett fram. Dette går fram av lovforslaget § 3-1 første ledd. Retten kan såleis forme ut eigedommar og rettार (lovforslaget § 3-4), skipe sameige (lovforslaget § 3-5), oppløyse sameige og bruksrettar (lovforslaget § 3-6), oppløyse sameige og dele eigedom som ikkje er sameige (lovforslaget § 3-7), gi reglar om sambruk (lovforslaget § 3-8), skipe felles tiltak og påleggje felles investeringar (lovforslaget § 3-9) og skipe lag og fastsetje vedtekter (lovforslaget § 3-10). I tillegg kan retten i samband med jordskiftet fastsetje eigedomsgrenser og grenser for rettार etter lovforslaget kapittel 4, og halde skjønn og ta andre avgjerder etter lovforslaget kapittel 5. Departementet meiner at kombinasjonen av heimlane i ny lov, på ein betre måte enn opprekninga i gjeldande jordskiftelov § 35 langt på veg gir jordskifteretten nødvendig kompetanse til å gjere dei tiltaka som er nemnde i lova i dag. Årsaka er at opprekninga i gjeldande jordskiftelov kan etterlate tvil om kva jordskifteretten eigentleg har heimel til.

Gjeldande jordskiftelov § 35 bokstav a gir jordskifteretten kompetanse til å gi reglar om bruk og sambruk mellom anna ved å fastsetje nye grenser mellom hamnelag, gjere slutt på sambeite mellom hamnelag og skipe nye hamnelag. Det kan gjerast vedtak om kva slag og kor mange husdyr kvar part kan sleppe på beite i eit område eller nokon del av området, og om beitetida. Etter lovforslaget kan jordskifteretten slå fast kvar gjeldande grenser går, med heimel i lovforslaget § 3-8 fjerde punktum. Skal det fastsetjast nye grenser, gir lovforslaget § 3-8 om å avgrense felt for utøving av bruksretten nødvendig heimel. Å gjere slutt på sambeite mellom hamnelag vil kunne falle inn under heimelen til oppløysing av sameige og sambruk mellom eigedommar i lovforslaget § 3-6 dersom deltakarane i hamnelaget eig beitestrekninga i sameige. Oppløysinga kan vere delvis eller fullstendig. Skal det skipast nye hamnelag, gir lovforslaget § 3-8 heimel for dette. Er det reist sak etter § 3-8 skal jordskifteretten etter lovforslaget § 3-13 ta stilling til bruksrettstilhøva slik dei er. Det vil seie at jordskifteretten fastset omfanget av eksisterande beiterettar. Med heimel i § 3-8 kan jordskifteretten gi nye reglar om kva slag og kor mange husdyr partane kan sleppe på beite, eller om beitetida etter lovforslaget § 3-8.

Gjeldande jordskiftelov § 35 bokstav b gir jordskifteretten kompetanse til å gi reglar om å leggje ut felt til kulturbeite eller fôr dyrking med tilhøyrande anlegg til bruk for ein eller fleire mot avkorting i beitebruken i resten av området, eller mot vederlag i pengar eller anna. Reglane om kven som skal vere med i beiteordninga, og kvar kulturbeitet eller fôr dyrkingsarealet skal vere, kan løysast etter lovforslaget § 3-8. I slike høve har jordskifteretten heimel til å avløyse alltidvarande bruksrett som ligg til fast eigedom etter lovforslaget § 3-12 om slik rett er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing. Er det snakk om å reise sjølvstendig sak, følgjer det av lovforslaget at partane må krevje avskiping etter § 7 i servitutlova. Sjø løysinga i kapittel 8.5. Etter lovforslaget § 9-7 nr. 7 ny § 7 a er dette ei avgjerd som går for jordskifteretten, sjå omtale i kapittel 11.

Gjeldande jordskiftelov § 35 bokstav c gir jordskifteretten kompetanse til å leggje ned seter som det ikkje blir bruk for etter ordninga, og til å flytte seter. Slåtteng kan òg avløyast eller flyttast om det trengs for å få til ei tenleg ordning, og fordelane er store samanlikna med dei ulempene slåtteigaren får av det. Nedlegging av seter kan vere aktuelt fordi eigdommen setra høyrer til, kan dyrke nødvendig fôr på annan måte. Lovforslaget § 3-4 gir i slike tilfelle jordskifteretten kompetanse

til å forme ut eigedommen på nytt, og lovforslaget § 3-12, gir heimel for å avløyse retten til seter, eller avløyse rett til slåtteng dersom slik rett er til hinder for eit tenleg jordskifte. Lovforslaget § 3-4 gir heimel for å flytte seter, seterrett eller slåtteng.

Gjeldande jordskiftelov § 35 bokstav d gir jordskifteretten kompetanse til å avgrense eller setje heilt forbod mot beiting i visse område av omsyn til skogen. Lovforslaget § 3-8 gir jordskifteretten ein tilsvarende kompetanse.

Gjeldande jordskiftelov § 35 bokstavane e til j gjeld kompetansen jordskifteretten har til å fastsetje reglar om felles bruk mellom eigedommar. Etter lovforslaget kan jordskifteretten ta slike avgjerder etter § 3-8. For å fastsetje reglane må jordskifteretten òg i mange tilfelle ta stilling til eigedoms- eller rettshøve, sjå lovforslaget § 3-13. Opplistinga i bokstavane i til j gjeld kompetanse til å regulere drifta av skog og torvmyr (e), å fastsetje fisketider, fangstmåtar, reiskapar og anna som har med fisket å gjere, og å gi reglar om bruken av strandrettar (f), å gi reglar om utøvinga av jakt, fangst og viltstell (g), å fastsetje reglar for sams bruk av sand- og grustak, vassrettar, og sams bruk i samband med rekreasjons- og turistformål (h), å ordne tilhøva mellom reindrifta og grunneigarar og andre rettshavarar i område i det samiske reinbeiteområdet der det går føre seg reindrift, når det gjeld beite, flyttlei og liknande (i), og å fastsetje reglar for sams bruk i samband med drift og vedlikehald av vegar, parkeringsområde, leikeplassar, grøntområde med vidare (j).

### 8.13.3 Fastsetjing av reglar om sambruk der det ikkje er sambruk frå før

#### 8.13.3.1 Høyringsforslaget

Høyringsnotatet inneheld eit forslag om å utvide kompetansen til å skipe felles bruk etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c nr. 2. Det inneber at vilkåret i gjeldande rett om at det skal liggje føre særlege grunnar, fell bort. Kompetansen jordskifteretten har til å gi reglar om felles bruk vil da bli lik anten det er etablert felles bruk frå før, eller ikkje er etablert slik felles bruk.

#### 8.13.3.2 Høyringsinstansane

Det er delte meiningar om forslaget om å fjerna vilkåret «særlege grunnar». *Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* vil føre dette vilkåret vidare, og viser til at det bør vere meir enn alminnelege grunnar til å tvinge eineigde eigedommar inn i eit bruksfellesskap med andre.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* er positive til at vilkåret i gjeldande jordskiftelov § 2 bokstav c nr. 2 om at det skal liggje føre særlege grunnar er teke bort i høyringsforslaget. Jordskifterettane viser til at i utmark der for eksempel jakt ligg i eineeige, kan det vere umogleg å utnytte jaktressursane utan ei organisering av bruken på tvers av eigedomsgrensene.

*Norges Bondelag* ser fordelar og ulemper med at jordskifteretten skal ha kompetanse til å skipe sameiger (høyringsforslaget § 3-7), skipe bruksordning (høyringsforslaget § 3-11 og skipe felles tiltak (høyringsforslaget § 3-13). Bondelaget viser til at det ut frå eit grunneigarperspektiv kan vere uheldig å diktere ei felles ordning for tidlegare uavhengige eigedommar, særleg når det er høgt konfliktnivå mellom partane. Bondelaget uttaler vidare:

«Adgangen til å etablere sameie, servitutter, bruksordning og fellestiltak, bør difor anvendes med forsiktighet. Landbruks- og matdepartementet anmodes å vurdere om det kan lovfestes krav om kvalifisert interesseovervekt som vilkår for slike tiltak, i alle fall når en gitt andel av eierinteressene motsetter seg tiltaket. Slike vilkår finnes blant annet i servituttløven §§ 5-7 (nå foreslått opphevet).»

#### 8.13.3.3 Departementets vurderingar

I gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd punkt c er det eit skilje slik at jordskifteretten har generell kompetanse til å gi reglar om sambruk der det allereie er sambruk mellom eigedommar, men at retten til å gi reglar om sambruk er avgrensa når det ikkje er etablert sambruk. I det siste tilfellet må det liggje føre «særlege grunnar» for at jordskifteretten kan skipe sambruk og fastsetje reglar for denne bruken. I praksis er det lagt til grunn at særlege grunnar kan vere at eigedoms- eller rettstilhøve er slik at dei hindrar andre i ei tenleg utnytting, eller tvinger alle til urasjonell og ikkje optimal drift. Det er ikkje snakk om å føre eineigde eigedommar inn i eit sameige. Meiniga er å gi jordskifteretten heimel for å gi reglar om at ein ressurs som ligg til ein eigedom, skal brukast saman med eller i samspel med andre eigedommar på nærare fastlagde måtar og vilkår.

Departementet meiner at det vil vere ei forkling å ta bort vilkåret om «særlege grunnar» slik at kompetansen blir lik uavhengig av om det er sambruk frå før eller ikkje. Departementet er likevel samd med jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme som peiker på at det bør vere

meir enn alminnelege grunnar til å tvinge eineeigde eigedommar inn i eit bruksfellesskap med andre. I område der det ikkje er rettsleg grunna sambruk frå før, må vurderinga av nye reglar gå i to steg. Først må retten ta stilling til om det er behov for reglar om sambruk. Dersom svaret er ja, kan retten utforme desse reglane. Departementet meiner såleis at vilkåret om «særlege grunnar» framleis bør gjelde der det ikkje allereie eksisterer sambruk.

Departementet har merka seg at jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme viser til at det kan vere nødvendig å organisere jakt på tvers av grensene for eineeigde eigedommar.

Det kan ikkje vere tvil om at jordskifteretten etter gjeldande reglar kan skipe sambruk for jakt, og gi reglar om det i område der det ikkje er sambruk i jakta frå før. Når dette er nødvendig for å skipe tenlege jaktvald, og fråvær av slike jaktvald anten øydelegg for nokon av eigarane, eller tvingar alle til urasjonell organisering av jakta, er dette eit eksempel på kva som vil falle inn under vilkåret «særlege grunnar».

Ved å samle heimlane i eitt ledd med kvart sitt punktum meiner departementet at alle omsyn er tekne vare på. Dette går fram av lovforslaget § 3-8 første ledd, første og andre punktum.

Departementet er elles samd med DA i at kompetansen jordskifteretten har til å gi reglar om sambruk mellom eigedommar, er eit meir avgrensa inngrep i eigedomsretten enn kompetansen til å skipe sameige mellom eigedommar. Departementet viser i denne samanheng til at lovforslaget på dette området har ei form for rekkefølgjeføresegner, sjå lovforslaget § 3-5 første ledd.

### **8.13.4 Reglar for beite i allmenningar, bruksordning i reindrift**

#### *8.13.4.1 Høyringsforslaget*

I høyringsforslaget § 3-11 tredje ledd blir gjeldande jordskiftelov § 33 andre ledd ført ordrett vidare i forslag til ny jordskiftelov. Jordskifteretten skal framleis kunne halde beiteordning i stats- eller bygdeallmenningar. Særtilkåra er at styret for allmenningen først har gjennomført beiteordning der, og at nokon som denne beiteordninga vedkjem, har kravt beiteordninga inn for jordskifteretten innan seks månader.

#### *8.13.4.2 Høyringsinstansane*

Det har ikkje kome inn uttalar til reglar for beite i allmenningar. Når det gjeld bruksordning for

interne tilhøve i reindrifta, er høyringsuttalane refererte i kapittel 8.6.2.

#### *8.13.4.3 Departementets vurderingar*

Departementet ser ingen grunn til ein annan regel enn den som gjeld i dag, og foreslår at regelen blir ført vidare. Ut frå regeltekniske grunnar meiner departementet at regelen bør stå i allmenningslovene, sjå lovforslaget § 9-7 nr. 9 endring i lov 6. juni 1975 nr. 31 om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsalmenningane § 16 nytt andre ledd og lovforslaget § 9-7 nr. 13 endring i lov 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenningar § 1-4 nytt andre ledd.

Forslaga til endringar i høve til reindrifta er drøfta i kapittel 8.6.3.

### **8.13.5 Kva reglar om sambruk kan gå ut på**

#### *8.13.5.1 Høyringsforslaget*

Arbeidsgruppa foreslår at jordskifteretten skal kunne gi reglar om bruksmåte, til å avgrense feltet for utøving av bruksrett og til å flytte bruksrett frå ein stad til ein annan eller frå ein eigedom til ein annan. Føresegna om dette finn ein i høyringsforslaget § 3-11 andre ledd andre punktum. Føresegnene byggjer på gjeldande jordskiftelov § 33 første ledd andre punktum.

Arbeidsgruppa foreslår at reglane skal kunne gjelde for tilhøva mellom eigar og bruksrettshavar og mellom bruksrettshavarane innbyrdes, jf. høyringsforslaget § 3-11 andre ledd første punktum. Forslaget fører vidare gjeldande jordskiftelov § 33 første ledd første punktum.

Arbeidsgruppa foreslår ikkje å føre heimelen i gjeldande jordskiftelov § 34 første ledd vidare. Arbeidsgruppa viser til at heimlane i høyringsforslaget samla sett langt på veg gir dekning for å kunne gjere det same etter høyringsforslaget som etter gjeldande jordskiftelov.

Forslaga er elles prega av forslaget arbeidsgruppa har om at reglane om omskiping i servituttløva skal arbeidast inn i jordskiftelova.

#### *8.13.5.2 Høyringsinstansane*

*Justisdepartementet* kommenterer tilhøvet mellom jordskiftelova og grannegjerdeløva slik:

«Selv om det er selvsagt, mener vi det er en fordel om det i ordlyden presiseres at reglene skal gis i samsvar med grannegjerdeløva. Det bør i

spesialmerknadene vises til de aktuelle bestemmelsene i grannegjerdelova.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* uttaler seg òg om dette:

«Første ledd bør vise til reglane om gjerdeplikt og gjerdedeling i gjerdelova, slik at det går tydeleg fram av lovteksten at jordskifteretten ikkje kan utøve «fritt skjønn», sjå t.d. dagens lov § 52 tredje ledd første punktum.»

### 8.13.5.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår slik det går fram av kapittel 8.13.2.3, at det skal vere ein paragraf i lova om kompetansen jordskifteretten skal ha til å fastsetje reglar for sambruk (bruksordning). Sjå lovforslaget § 3-8. Paragrafen bør vise kva reglar om sambruk kan gå ut på, og kven reglane skal kunne gjelde for.

Departementet foreslår å lovfeste at jordskifteretten kan gi reglar om sambruk ved utøving av forskjellige former for bruksrettar. Sjå lovforslaget § 3-8 første ledd tredje punktum der det går fram at jordskifteretten kan ordne tilhøva mellom eigarar og bruksrettshavarar og mellom bruksrettshavarane innbyrdes. Gjeldande jordskiftelov § 35 bokstav d gir konkret eksempel på at dette òg gjeld i dag. Der heiter det at reglar om bruk og felles bruk kan gå ut på å avgrense eller setje heilt forbod mot beiting i visse område av omsyn til skogen. Det går òg fram av lovforslaget § 3-8 første ledd tredje punktum at ei sak kan gjelde sambruk mellom ein eigar og ein bruksrettshavar, for eksempel der begge gjer seg nytte av beite på den same eigdommen.

Departementet foreslår i lovforslaget § 3-8 fjerde punktum at reglar om sambruk mellom anna kan gå på å avgrense feltet for utøving av bruksrett, gi reglar om bruksmåte. Forslaget er ei generalisering av opplistinga i gjeldande jordskiftelov § 35. I tillegg dekkjer formuleringane innhaldet i gjeldande jordskiftelov §§ 43, 44 og 52. Jordskifteretten har etter jordlova § 10 kompetanse til å halde bruksordning knytt til retten til å ta ut torv. Jordskifteretten har òg heimel til å avløyse slik uttaksrett. Kompetansen etter jordlova § 10 byggjer på reglane i lov 18. mars 1949 om jordøylegging. Lova frå 1949 avgrensa retten til å ta ut torv. Dersom lova førte til at nokon leid tap, kunne dei etter jordøyleggingsslova § 5 reise sak for jordskifteretten for å få i stand anten ei bruksordning eller at mellomlegget skulle målast ut i pengar. Utforminga av lovforslaget § 3-8 dekkjer òg

bruksordning etter denne føresegna. Departementet foreslår ei endring i jordlova § 10 slik at tilvisinga til ny jordskiftelov blir presis. Formuleringa i lovforslaget § 3-8 første ledd fjerde punktum dekkjer òg slik bruksordning som kan krevjast etter lov 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk mv. § 25 åttande ledd, slik dette leddet lyder etter lovendringa i 2012. Innlandsfiske-lova § 25 inneheld reglar om organisering av fiskeforvaltinga i vassdrag. Etter innlandsfiske-lova § 25 åttande ledd første punktum kan det krevjast bruksordning etter gjeldande jordskiftelov for å skipe felles organisering av fiskeforvaltinga. Etter andre punktum kan departementet krevje bruksordning etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c, når ingen av partane vil krevje det, eller resultatet av minneleg ordning ikkje er hensiktsmessig. Departementet foreslår å endre innlandsfiske-lova § 25 åttande ledd første punktum slik at det blir vist til «jordskiftelova», som er det nye kortnamnet på lova. Departementet foreslår at andre punktum blir endra slik at det blir vist til lovforslaget § 3-8 som avløyser gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c.

For å gjere føresegna meir informativ for lesaren, foreslår departementet i lovforslaget § 3-8 andre ledd at det går fram at reglane om sambruken kan vere varige eller mellombelse.

Når jordskifteretten fastset reglar for sambruk etter lovforslaget § 3-8, må retten, som i dag, følgje dei rammene som er sett for sambruken i dei aktuelle lovene. Dette gjeld uavhengig av om sambruken gjeld fiskeforvalting, viltforvalting, grannegjerdelova, reindriftslova eller andre tema. Departementet er samd med jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme i at det er uheldig å bruke formuleringa «fritt skjønn». Departementet viser til prinsipiell drøfting av dette i kapittel 11. Lovforslaget § 3-8 inneheld ikkje formuleringa «fritt skjønn». Departementet er såleis samd med Justisdepartementet i at dei reglane jordskifteretten gir, skal vere i samsvar med føresegnene i grannegjerdelova.

### 8.13.6 Heimel for å gi reglar om sambruk for visse personlege sameige

#### 8.13.6.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-11 første ledd bokstav d å føre vidare heimelen i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c nr. 4. Denne føresegna gir heimel til å gi reglar om bruken i personleg sameige i skog og for sambruk av eigedom som for storparten ligg over barskog-

grensa. Arbeidsgruppa foreslår ikkje å føre vidare vilkåret om særlege grunnar.

#### 8.13.6.2 Høyringsinstansane

Høyringsinstansane har ulike meiningar om endringsforslaget.

Eit fleirtal i *jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* går mot forslaget, og uttaler:

«Et flertall i Hålogaland foreslår at bestemmelsene i bokstav c) og d) om bruksordning i personlige sameier tas ut av loven. I praksis vil det være vanskelig å regulere bruken av en eiendom mellom de enkelte medeierne. Synet på bruken av en eiendom vil være subjektivt og variere fra person til person og det er mange steder interne konflikter. Eiersituasjonen vil også være av skiftende og kortvarig karakter. Eiere dør og nye og kanskje flere medeiere kommer til. Også for landbruksnæringen og for andre myndigheter er denne eierformen, som vi har svært mye av i landsdelen, uheldig. Det vil være mer fornuftig at jordskifteretten deler personlige sameier etter § 3-8 enn at det fastsettes bruksordningsregler.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* går òg mot forslaget, og skriv:

«Vi stiller spørsmål om første ledd bokstav c og d er nødvendige å vidareføre. Langt på veg tilsvarende regler har stått i dagens lov nokre år no, jf. § 2 bokstav c nr. 4, og vi er ikkje kjende med at det har vore gjennomført saker med bakgrunn i denne heimelen. Har det då noko for seg å vidareføre regelverket? I det heile bør det kunne stillast spørsmål ved om bruksordning i personlege sameige er noko som jordskiftedomstolane skal bruke ressursar på. Dette bør partane i utgangspunktet ha ansvar for å ordne opp i sjølv. Men dersom dette fortsatt skal vere ein sakstype i jordskiftelova, bør regelen mjukast opp og gjerast meir generell til å gjelde all utmark og kanskje også innmark. Lat oss seie at det skulle vere behov for å ordne jakta i ei personleg sameige. Jakt på storvilt kan føregå både på innmark og i utmark. Jordskifteretten kan då ordne bruken berre for delar av arealet (personleg sameige over barskoggrensa, ev. utmark) og ei heilskapleg løysing er utanfor rekkevidde.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* har eit anna syn:

«I første ledd bokstav c og d er bruksordning for personlige sameier avgrensa til skogeieendom og eiendommer over barskoggrensa. Det blir dermed en avgrensning mot andre personlige sameier som for eksempel hytte- og huseiendommer. Men samtidig er jordskifteretten allerede langt inne på personlige enemerker i forbindelse med deling av personlige sameier. Sett ut fra det, kan det stilles spørsmål om skillet er nødvendig. Avgrensinga er kunstig også sett ut fra at det er andre eiendommer av landbrukskarakter som også kan være personlige sameier.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler:

«Bokstavene c) og d) bør også forenkles. Vi foreslår å slå sammen disse og at regelen blir gjort generell for alt utmarksareal. Det er etterspørsel etter løysning av slike saker. Det er ingen god grunn for at hjemmelen bare skal omfatte skogarealer og arealer over barskoggrensa. Derimot er det viktig å avgrense hjemmelen slik at den ikke gjelder for bygninger.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* har skrive eit eige forslag til ny lovtekst. Der blir reglane i gjeldande jordskiftelov ført vidare. Desse jordskifterettane grunnvir ikkje kvifor lovteksten deira er utforma slik.

#### 8.13.6.3 Departementets vurderingar

Departementet har merka seg råda frå jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme og frå jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme, og foreslår at jordskifteretten ikkje lenger skal ha heimel til å halde sak om bruksordning dersom saka gjeld bruken i personlege sameiger i skogeieendom og i fjellstrøk som for storparten ligg over grensa for barskog. Departementet legg vekt på at eigartilhøva i personlege sameiger til vanleg vil vere mindre stabile enn ved sambruk mellom eigedommar. Det er mindre grunn til å bruke offentlege ressursar på slike bruksordningar som kan få kort levetid. Departementet er elles samd i høyringsuttalen frå Sør-Trøndelag jordskifterett om at avgrensinga av heimelen er kunstig. Jordskifteretten vil elles med heimel i servitutlova §§ 5 og 6 kunne omskipe slike rettstilhøve. Departementet foreslår såleis ikkje å føre vidare gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c nr. 4 til å gi reglar om bruken i personleg sameige i

skog og i fjellstrøk som for storparten ligg over grensa for barskog i ny jordskiftelov.

### 8.13.7 Reglar for sambruk av uteareala til eigarseksjonar

#### 8.13.7.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår ingen regel om at jordskifteretten skal ha heimel til å gi reglar om sambruk av uteareala til eigarseksjonar.

#### 8.13.7.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* foreslår at jordskifteretten skal ha slik heimel og uttaler om dette:

«...Vi ser at arbeidsgruppa har foreslått at jordskifteretten skal kunne gjennomføre rettsutgreiing i utomhusarealet i eierseksjonssameier. Vi mener det er vel så stort behov for at aktørane i denne typen sameier kan kreve en bruksordning. Denne eierformen har etter hvert blitt ganske utbredt, og vi får til tider henvendelser fra personer som har andeler i slike sameier, om at det er behov for regler om bruken av denne typen arealer. Vi mener difor at utomhusareal i eierseksjonssameier bør inn som en ny bokstav i forslag til nytt andre ledd.»

#### 8.13.7.3 Departementets vurderingar

Etter lovforslaget kapittel 4 foreslår departementet at jordskifteretten skal ha heimel til å fastsetje eigedoms- og bruksrettshøve for uteareal til eigarseksjonar. Sjå lovforslaget § 4-1 bokstav e som gir jordskifteretten heimel til å halde sak om rettsutgreiing i område der det er sambruk av uteareala som ligg til eigarseksjonar, og lovforslaget § 4-2 første ledd bokstav c som gir heimel for å fastsetje grenser for uteareal som høyrer til ein eller fleire eigarseksjonar.

Departementet er samd med jordskifterettane i Agder jordskiftedømme i at det kan vere behov for å gi reglar om sambruk av uteareal til eigarseksjonar, og at jordskifteretten har kunnskap og erfaringar som gjer at han er eigna til å løyse slike saker. Departementet viser til at det ofte vil vere etter måten intensiv bruk av uteareal i slike område. Behovet for reglar mellom dei som skal utøve bruken, aukar når bruken av eit område er intensiv. Organiseringa av bruken i eit eigarseksjonsameige kan vere forskjellig frå eitt eigarseksjonsameige til eitt anna. I eitt sameige kan det

vere fastsett vedtekter om dette, medan det i eit anna er meir tilfeldig kva for eigarseksjon som har gjort seg nytte av utomhusareala. Departementet kan ikkje sjå at innføring ein slik heimel vil vere å ta noka oppgåve frå andre organ. Departementet kan heller ikkje sjå andre høve som gjer at denne spesielle forma for faktisk sambruk ikkje bør kunne behandlast av jordskifteretten.

Departementet foreslår etter dette ei ny føresegn som gir jordskifteretten heimel for å gi reglar om sambruk av uteareal til eigarseksjonar. Sjå lovforslaget § 3-8 tredje ledd første punktum. Lovforslaget § 3-8 andre ledd andre punktum gir dessutan heimel for å skipe sambruk dersom det ligg føre særlege grunnar. Jordskifteretten kan ut over dette ordne tilhøva mellom bruksrettshavarene innbyrdes, og kan mellom anna avgrense feltet for utøving av ein bruksrett og gi reglar om bruksmåte og om gjerdehald.

## 8.14 Pålegg om felles tiltak, og pålegg om felles investeringar

### 8.14.1 Høyringsforslaget

Gjeldande jordskiftelov har fleire ulike reglar om etablering av felles tiltak (sams tiltak) og felles investeringar. Arbeidsgruppa foreslår i stort i høyringsforslaget § 3-13 å føre vidare løysinga i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav e. Høyringsforslaget inneheld likevel fleire endringar i reglane om felles tiltak og pålegg om felles investeringar.

I høyringsforslaget blir kompetansen til jordskifteretten utvida slik at fellesinvesteringar ikkje berre skal vere knytt til eigedommar slik regelen er i dag, men òg til rettar og anlegg av infrastruktur. Dei to paragrafane om fellestiltak (gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav e) og fellesinvesteringar (gjeldande jordskiftelov § 42) foreslår arbeidsgruppa innarbeidd i ein paragraf. Dei konkrete heimlane i gjeldande jordskiftelov §§ 43 første ledd (vegar), 43 tredje ledd (taubanar og løypestrengar), 44 første ledd (grøfter og kanalar) og 44 andre ledd (vassleidningar og kloakkleidningar) skal erstattast med det meir generelle omgrepet «infrastruktur». I tillegg skal plikta jordskifteretten har etter gjeldande jordskiftelov § 42 til å ta med nødvendige investeringar i skifteplanen, erstattast med eit høve til å kunne gjere dette.

I høyringsforslaget § 3-13 tredje ledd foreslår arbeidsgruppa kva jordskifteretten skal leggje vekt på når han vurderer kva for fellestiltak han skal påleggje. Vurderingsmomenta er den framtidige utnyttinga av eigedommane og rettane, beho-



vet for, og nytten av fellestiltaket, og den økonomiske evna partane har.

I høyringsforslaget § 3-13 fjerde og femte ledd om fellestiltak som kan innebære stor risiko, foreslår arbeidsgruppa i hovudtrekk innhaldet i § 34 b tredje og fjerde ledd i gjeldande jordskiftelov ført vidare med nokre endringar i ordlyden. Vesentleg i denne samanheng er at jordskifteretten kan skipe eit eigarlag som ikkje kan påleggjast å ta risiko knytt til fellestiltaket, og eit opplegg for frivillig etablering av eit driftsselskap som tek denne risikoen. Det er nytt i høyringsforslaget at jordskifteretten får heimel til å avgjere korleis storleiken på vederlaget frå driftsselskap til eigarlag, skal fastsetjast.

#### 8.14.2 Høyringsinstansane

*Miljøverndepartementet* tek i samband med høyringsforslaget § 3-11 opp tilhøvet mellom fellestiltak, felles investeringar og plan. Departementet uttaler:

«Plan kan også brukes for å sikre fellesareal og opparbeidelse av forskjellig infrastruktur mv. Spørsmålet er i hvilken utstrekning det bør være alternative systemer for dette, og hvordan bruk av det ene virkemidlet påvirker og bør påvirke det andre. Blant annet reises her spørsmålet om jordskifte skal kunne brukes for å etablere fellestiltak som planmyndighetene etter en planpolitisk avveining har funnet at den ikke vil regulere eller stille krav om.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner at høyringsforslaget § 3-13 tredje ledd andre punktum synest unødvendig fordi innhaldet er sjølv-sagt. Dei rår til at setninga blir teken ut. I samband med femte ledd uttaler jordskifterettane:

«Vi mener siste punktum bør endres. Hvordan vederlaget fastsettes, er bruksordning. Det er ikke nødvendig å gjenta dette i siste punktum. Det vi har behov for er en avklaring av om vi kan fastsette vederlaget. I noen saker er det helt nødvendig, mens det i andre saker ikke er det.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* har òg merknader til tredje og femte ledd. Jordskiftedommarane foreslår at tredje ledd med unnatak av siste punktum, bør gå ut. Om femte ledd uttaler dei at siste punktum er nytt, men at det i tillegg bør opnast for at jordskifteretten kan fastsetje vederlaget og ikkje berre fastsetje korleis vederla-

get skal fastsetjast. I mange tilfelle er partane ute etter nettopp å få fastsett vederlaget. Jordskiftedommarane saknar elles ei setning om at kostnadene skal delast på partane etter den nytten den enkelte part har. Det fører vidare dagens regel.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* rår òg til at første og andre punktum i tredje ledd bør strykast. Dei foreslår òg å ta ut fjerde og femte ledd i lovteksten, og uttaler om dette:

«Det følger av § 3-3 at jordskifteretten ikke kan pålegge fellestiltak som kan innebære risiko for partene. Hvordan partene innretter seg etter at saken er avsluttet skal ikke jordskifteretten avgjøre. Innholdet kan eventuelt formidles til partene i den enkelte sak som informasjon om hvordan risikotiltak kan gjennomføres.»

Uttalen frå *Sør-Trøndelag jordskifterett* gjeld òg femte ledd. Jordskifteretten skriv mellom anna:

«Etter at jordskifteretten har vurdert at etablering er uten ulemper og kostnader for de øvrige partene så lenge deltakelse er frivillig, bør det være tilstrekkelig at en av partene er villig til å etablere selskapet. Det synes noe søkt at driftsselskapet først kan bli etablert etter påfølgende flertallsvedtak i eierlaget.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner òg at føresegna i staden for krav om fleirtal for å gjere tiltak (jf. gjeldande jordskiftelov § 34 b, tredje ledd, 2. og 3. punktum) bør leggje opp til at eigarlaget stadfestar eller registrerer krav frå ein eller fleire om å danne driftsselskap for den aktuelle utnyttingsforma, og det må setjast ein frist for alle medlemmene i eigarlaget til å melde frå om eventuelle krav om å delta i driftsselskapet. Jordskifteretten peiker på at ein i siste punktum i siste ledd må presisere om det er «storleiken» eller «korleis» vederlaget skal fastsetjast.

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* ber om at reindrift må omfattast av regelen. Dei viser til at jordskifteretten òg bør kunne vedta fellestiltak som gjeld interne tilhøve i reindriften, for eksempel for å få ført opp skillegjerde mellom reinbeitedistrikt. Dei meiner at fjerde og femte ledd kan gå ut, og viser til at det ikkje er nødvendig å ha slike reglar i lovteksten.

#### 8.14.3 Departementets vurderingar

Gjeldande jordskiftelov har fleire ulike reglar om etablering av felles tiltak (sams tiltak) og felles

investeringar. Sjø gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd e som viser til sams tiltak i samband med utnytting og bruk av eigedommar etter § 34 a, og til tørrleggingstiltak etter vannressurslova. Reglane i gjeldande jordskiftelov §§ 34 b fjerde og femte ledd, 41 andre ledd, 42, 43 første ledd, 43 tredje ledd, 44 første ledd og andre ledd, 52 første ledd og 54 første ledd gjeld òg felles tiltak. I gjeldande jordskiftelov § 42 andre ledd er det lagt til grunn at jordskifteretten ved vurderinga av om investeringane skal gjerast, skal leggje vekt på den framtidige utnyttinga av eigedommane, men òg ta omsyn til den økonomiske evna partane har.

Departementet foreslår å føre vidare verke- midla felles tiltak og felles investeringar, sjå lovforslaget § 3-9. Etablering av sams tiltak er ein heimel som er mykje brukt etter at han kom inn med gjeldande jordskiftelov i 1979.

Departementet gjer merksam på at reglane om etablering av felles tiltak (sams tiltak) og felles investeringar har nær samanheng med reglane om sambruk, sjå omtale av lovforslaget § 3-8 i kapittel 8.13. Begge delar er kjerneoppgåver for jordskifteretten i dag. Svært ofte vil felles tiltak byggje på at det anten er etablert, eller skal etablert, sambruk. Mange felles tiltak er aktuelle der det ikkje er felles bruk frå før, sjå lovforslaget § 3-8 første ledd andre punktum som inneheld eit vilkår om at det må liggje føre særlege grunnar for å skipe slik sambruk. Sjølv om det er nær samanheng mellom sakstypene, meiner departementet det er grunn til å skilje klarare enn i gjeldande jordskiftelov mellom reglar for sambruk og felles tiltak. Dette fører til ei endring i heimelsgrunnlaget for eksempel ved fastsetjing av reglar om drift og vedlikehald av felles løysingar etter gjeldande jordskiftelov § 35 bokstav a. Med ny løysing vil slike reglar etter lovforslaget kunne falle inn under lovforslaget § 3-9 om fellestiltak, ikkje som i dag under regelen for sambruk.

Departementet er samd med Norges Bondelag som er referert under kapittel 8.13.3.2 i at konfliktnivået mellom partane vil vere eit tema når det gjeld å skipe felles tiltak, og å gjere felles investeringar. Departementet oppfattar uttalen slik at han særleg gjeld det å skipe ny sambruk, og departementet har i samsvar med uttalen lagt til grunn at det er ønskeleg å behalde vilkåret om særlege grunnar for å skipe slik ny sambruk. Sjø omtale av dette i kapittel 8.13.3.3. Departementet meiner likevel ikkje at høgt konfliktnivå skal bli ei sperre mot etablering av tiltak som gjeld fleire. Ofte er det slik at det er konflikt som gjer at partane går til jordskifteretten. Departementet meiner at det er vanskeleg å lovfeste noko om kor sterk ein kon-

flikt skal vere for å unnlate å etablere tiltak som gjeld fleire. Departementet meiner vidare at det vil vere uheldig å ta inn i lova eit vurderingstema der ein part gjennom å påstå høgt konfliktnivå, kan hindre bruk av eit bestemt verkemiddel i eit jordskifte.

Miljøverndepartementet reiser spørsmål ved i kva for omfang det bør vere alternative system for å sikre fellesareal og opparbeiding av felles infrastruktur med meir. Landbruks- og matdepartementet vil peike på at formålet med jordskifte er å gi partane moglegheit til å løyse utenleige eigedomstilhøve, sjå lovforslaget §§ 3-1 og 3-2. Formålet med reglane i plan- og bygningslova er å ta vare på sentrale samfunnsmessige mål for arealbruken. Pålegg om felles tiltak etter lovforslaget § 3-9 fører til at partane i saka er bundne seg imellom. Før pålegget kan fastsetjast, må jordskifteretten sørge for at nødvendige løyve er innhenta. Sjø lovforslaget § 3-17. Pålegg etter plan- og bygningslova §§ 11-8 eller 12-6 er pålegg knytt til kva kommunen som offentleg myndigheit kan påleggje private. Sjølv om både reglane i plan- og bygningslova og reglane i jordskiftelova tek sikte på å sikre fellesareal og felles infrastruktur, har pålegga etter dei to lovene såleis ulik funksjon, og ulikt formål. Det er ikkje tale om alternative system for å sikre fellesareal og opparbeiding av felles infrastruktur.

Departementet meiner på same vis som arbeidsgruppa, at det er ønskeleg å samle dei ulike reglane og gjere dei meir generelle. Når regelen skal gjelde for alle former for fast eigedom over heile landet, bør regelen vere generell, ikkje som i dag; splitta opp etter konkrete tiltak. Høyringsinstansane kommenterer ikkje forslaget om å samle reglane. Departementet legg til grunn at årsaka til dette må vere at dei ikkje har innvendingar mot dette. I praksis vil pålegg om felles tiltak, og pålegg om felles investeringar, kome opp i same sak. Departementet meiner difor at det vil vere ei forenkling av lova at desse føresegnene samlast i ein paragraf. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 3-9.

Departementets forslag til heimel er meir generell enn det som ligg i høyringsforslaget. Det går fram av merknadene til høyringsforslaget § 3-13 at det er meininga at den paragrafen skal erstatte gjeldande jordskiftelov §§ 43 første ledd (vegar), 43 tredje ledd (taubanar og løypestren- gar), 44 første ledd (opne og lukka grøfter og kanalar) og 44 andre ledd (vassleidningar og kloakkleidningar). Etter lovforslaget § 3-9 skal heimelen òg omfatte gjeldande jordskiftelov §§ 41 andre ledd (realisering av infrastrukturtiltak i gjel-

dande plan etter plan- og bygningsloven), 52 første ledd (gjerde) og 54 første ledd (førebygging av skade som følge av elvebrot, skred, sandfok og liknande – heretter kalla naturkatastrofe). Departementet viser til at dette òg er felles tiltak som det er behov for å ha reglar om i ny jordskiftelov, og departementet meiner det er ei forenkling av reglane at alle dei aktuelle heimlane blir samla i ein paragraf. Departementet ser ikkje at det er behov for ei ikkje uttømmende samling av eksempel i lova slik jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme har foreslått.

Etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav e, kan jordskifteretten «skipe» sams tiltak. Etter gjeldande jordskiftelov § 42 første ledd skal jordskifteretten «ta med i skifteplanen nødvendige investeringar». Departementet meiner det er ønskeleg å få klarare fram at jordskifteretten gjer dette ved ei jordskifteavgjerd som er eit pålegg til partane. Pålegget vil binde partane seg imellom anten dette dreier seg om eit pålegg om tiltak, eller eit pålegg om felles investeringar. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 3-9 første ledd som bruker formuleringane «påleggje felles tiltak» og «påleggje felles investeringar». Departementet meiner elles at det bør gå klarare fram av lova at pålegg om tiltak er aktuelt når fleire går saman om eit tiltak. Heimelen gjeld noko anna enn lovforslaget § 3-8 som gjeld sambruk. For å få dette tydeleg fram har departementet valt formuleringa «felles tiltak» i lovforslaget § 3-9 i staden for omgrepet «sams tiltak» som er brukt i gjeldande jordskiftelov.

Departementet har merka seg at det ikkje er nokon som uttaler seg til forslaget om at reglane om felles tiltak òg skal gjelde for rettar. Departementet foreslår, i tråd med det som blei sendt på høyring, ei slik endring. Sjå lovforslaget § 3-9 første ledd. Lovforslaget gjeld «bruksrettar» ikkje «rettar» slik regelen er i høyringsforslaget. Eksempel kan vere vegrett, rett til bortleing av skadeleg vatn og til framføring av vassforsyning og anna nødvendig infrastruktur.

I ei rekkje av spesialreglane om felles tiltak, er det lagt til grunn at jordskifteretten «skal» gi nødvendige reglar om bruken. Sjølv om departementet foreslår at jordskifteretten skal ha slik kompetanse, foreslår departementet at dette skal endrast slik at jordskifteretten «kan» gi pålegg, sjå ordlyden i lovforslaget § 3-9 første punktum.

Departementet foreslår ikkje å føre vidare vilkåret i gjeldande jordskiftelov § 42 om at investeringa skal vere «nødvendig» i lovforslaget § 3-9. Departementet meiner at dette vilkåret uansett går fram av lovforslaget § 3-16 der det er lagt til

grunn at jordskifteløysinga ikkje skal gå lenger enn det som er nødvendig etter kravet.

I gjeldande reglar er det eit skilje mellom alminnelege tiltak og tiltak som kan føre med seg stor risiko. Kan tiltaket føre med seg stor risiko, kan det berre gjennomførast av eit driftsselskap. Skiljet mellom alminnelege tiltak og tiltak som kan føre med seg stor risiko blir ført vidare i høyringsforslaget § 3-13 fjerde og femte ledd. Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme, jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme, jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme og Sør-Trøndelag jordskifterett kommenterer skiljet mellom alminnelege tiltak og tiltak som kan gi stor risiko i høyringsuttalane sine. Spørsmåla dei tek opp, har òg samanheng med uttalen frå Norges Bondelag som er referert under kapittel 8.13.3.2. Høyringsinstansane har til dels ulik inngang til spørsmåla. Departementet foreslår å føre vidare reglane i gjeldande jordskiftelov § 34 b tredje og fjerde ledd, om skiping av driftsselskap. Grunngivinga for dette går fram av kapittel 8.15.3.3.

Departementet er samd med jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme i at det er grunnlag for å sjå nærare på om den samiske reindrifta kan omfattast av dette verkemiddelet. Sjå departementets forslag til oppfølging i kapittel 2.3.

Pålegg om tiltak og pålegg om investeringar kan ha mykje å seie for partane. Departementet foreslår difor at det på same måten som i gjeldande jordskiftelov § 42 andre ledd skal vere ein regel i ny jordskiftelov om at jordskifteretten ved vurdering av slike pålegg kan ta omsyn til den økonomiske evna partane har. Sjå lovforslaget § 3-27. Departementet foreslår ut over dette at jordskifteretten må leggje vekt på den framtidige utnyttinga av eigedommen.

Departementet meiner elles at det framleis bør vere ein regel om korleis felles investeringar skal delast mellom partane. I lovforslaget § 3-28 legg departementet til grunn at kvar part skal delta etter den nytten parten har av investeringa. Sjølv om ordlyden er noko annleis, er løysinga i samsvar med innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 42 tredje ledd. I dette leddet blir det fastsett at retten skal dele kostnadene ved investeringstiltaket etter nytten parten har av det.

## **8.15 Etablering av lag og fastsetjing av vedtekter**

### **8.15.1 Høyringsforslaget**

I stort fører høyringsforslaget § 3-14 vidare gjeldande jordskiftelov § 34 b første, andre og femte

ledd. Høyringsforslaget inneheld likevel nokre endringar i høve til gjeldande jordskiftelov.

Arbeidsgruppa foreslår at det ikkje lenger skal vere eit vilkår for at jordskifteretten kan skipe lag, at det er nødvendig å skipe laget. Arbeidsgruppa foreslår dessutan å utvide heimelen slik at jordskifteretten òg skal kunne behandle ei sak der det i forkant er gjort ei privatrettsleg avtale om korleis ansvaret skal vere, men der det ikkje er etablert noko lag. Etter høyringsforslaget kan ei slik sak avgrensast til å skipe laget.

I høyringsforslaget § 3-13 fjerde og femte ledd om fellestiltak som kan innebere stor risiko, blir det vesentlege innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 34 b tredje og fjerde ledd ført vidare sjølv om det er nokre endringar i ordlyden. Etter høyringsforslaget skal jordskifteretten kunne skipe eit «eigarlag» som ikkje kan påleggjast å ta risiko knytt til fellestiltaket, og eit opplegg for frivillig etablering av eit driftsselskap som tek denne risikoen. Arbeidsgruppa foreslår noko nytt når ho i høyringsforslaget seier at jordskifteretten skal kunne fastsetje storleiken på vederlaget frå driftsselskap til «eigarlag».

Gjeldande jordskiftelov § 34 b femte ledd andre punktum blir ikkje ført vidare i høyringsforslaget. Med heimel i denne regelen kan departementet gi nærare føresegner om normalvedtekter.

Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare regelen om korleis ansvaret for medlemmane i lag etablert av jordskifterett, skal vere i høve til tredjemann. Høyringsforslaget § 3-14 andre ledd fører vidare gjeldande jordskiftelov § 34 b andre ledd som seier at kvar av deltakarane i laget svarer i høve til tredjemann etter sitt høvetal. Høyringsforslaget inneheld likevel ei endring da det opnast for at partane kan bestemme eit anna ansvarsregime. Høyringsforslaget fører ikkje vidare departementets heimel til å gi nærare føresegner om normalvedtekter.

### 8.15.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner at siste delen av første ledd i høyringsforslaget § 3-14 er unødvendig.

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* meiner at første ledd bør skrivast om. Dommarane skriv:

«Ordet «kan» gir inntrykk av at jordskifteretten kan velge om lag skal etablerast eller ikkje. Det viktige er imidlertid at når det er nødvendig, skal jordskifteretten etablere lag. Vi foreslår følgjande formulering: «Jordskifteretten

skal etablere nødvendige lag osv. ...», ev. «Jordskifteretten etablerer nødvendige lag og gir vedtekter osv. ...»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* foreslår følgjande tekst i første ledd:

«Jordskifteretten kan etablere lag og gi vedtekter for drift og vedlikehald av fellesløyningar.»

Sør-Trøndelag jordskifterett viser elles til at det bør gjerast tydeleg at føresegna er eit supplement til høyringsforslaget § 3-11 og § 3-13.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner at første ledd i realiteten er ei endring i høve til gjeldande reglar, og foreslår å føre vidare ordlyden i gjeldande jordskiftelov. I andre ledd viser dei til at ansvarsdelinga bør behaldast slik ho er i gjeldande jordskiftelov. Jordskifterettane viser til uttale frå Justisdepartementet i samband med utarbeidinga av rapporten om organisering av lag ved jordskifte.

I samband med forslaga til reglar om driftsselskap, viser *Domstoladministrasjonen (DA)* til forslaget om at jordskifteretten skal få kompetanse til å fastsetje storleiken av det driftsselskapet skal betale til eigarselskapet. DA viser til at gjeldande jordskiftelov har manglar på dette punktet, og at det særleg har kome til uttrykk i saker som gjeld fallrettar. DA viser òg til at forslaget gjer det nødvendig at jordskifteretten både har kompetanse til fastsetje korleis storleiken på betalinga skal fastsetjast, og til å fastsetje sjøve beløpet. Dette bør gå fram direkte i lovteksten og presiserast i lovforarbeida.

Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme uttaler at korleis vederlaget skal fastsetjast, er ei bruksordning, og at det først etter dette er behov for ei avklaring av om vederlaget skal fastsetjast. I nokre saker er det nødvendig, i andre saker er det ikkje nødvendig.

Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme peiker som DA på at endringa for driftsselskap er ny og nyttig. Jordskiftedommarane reiser likevel spørsmål ved om det bør opnast for at jordskifteretten òg bør kunne fastsetje sjøve vederlaget. I mange høve er det dette partane er ute etter. Jordskiftedommarane saknar elles ei setning om at kostnadene skal delast på partane etter den enkelte part sin nytte. Dette fører vidare dagens regel.

Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme meiner at jordskifteretten ikkje skal kunne påleggje fellestiltak som kan føre med seg risiko for partane. Korleis partane innrettar seg

etter at saka er avslutta, er ikkje opp til jordskifteretten. Jordskifteretten bør i staden for å skipe driftsselskap, ha ei rettleingsplikt om korleis slike tiltak kan gjennomførast.

Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme er òg opptekne av at heimelen for driftsselskap bør sløyfast.

Sør-Trøndelag jordskifterett uttaler:

«Fjerde og femte ledd tilsvare dagens § 34 b. Bestemmelsen i dagens jordskiftelov § 34 b synes å være en parallell til sameielovens bestemmelser om at flertallet kan gjøre vedtak om styring og utnytting av sameieteigen.

I enkelte jordskiftesaker hvor det skal etableres eierlag, er det en særskilt utnyttingsform som er grunnlaget for sakskravet. Det kan være at denne særskilte utnyttingsformen er risikoprega og krever etablering av et frivillig driftsselskap.

I slike tilfeller vil jordskifteretten kunne vurdere hele løsnings inkl. nødvendig selskapsdannelse i forhold til tapsgarantien. Etter at jordskifteretten har vurdert at etableringa er uten ulemper og kostnader for de øvrige partene så lenge deltakelse er frivillig, bør det være tilstrekkelig at en av partene er villig til å etablere selskapet. Det synes noe søkt at driftsselskapet først kan bli etablert etter påfølgende flertallsvedtak i eierlaget.

Et illustrerende eksempel er ei sak med utbygging av vasskraftverk. Rekvirenten av saka som ønsker utbygging, eier fallet på ene sida av elva. Men han har dermed kun 50 % av andelene. Dersom ikke minst en av de øvrige stemmer for, vil det ikke kunne bli utbygging sjøl om jordskifteretten har vurdert løsnings med eierlag/driftsselskap med tanke på kraftutbygging som tjenlig og uten at partene taper på det.

Spørsmålet er om det bør være en egen bestemmelse som omhandler tilfeller hvor jordskifteretten har vurdert etableringen av driftsselskap for en bestemt utnyttingsform. I bestemmelsen må det isteden for krav om flertall for å gjennomføre tiltak (jf. dagens § 34 b, 3.ledd, 2. og 3. setning), da være følgende:

- Eierlaget stadfester/registrerer krav fra en eller flere om å danne driftsselskap for den aktuelle utnyttingsformen.
- Det gis frist for alle medlemmene i eierlaget til å melde fra om evt. krav om å delta i driftsselskapet.

Siste setning i siste ledd må presisere om det er «storleiken» eller «korleis» vederlaget skal fastsettes.»

### 8.15.3 Departementets vurderingar

#### 8.15.3.1 Innleiing

Etter gjeldande jordskiftelov § 34 b første ledd skipar jordskifteretten nødvendige lag. Deltakarane i laget kan ikkje sjølv velje å vere med, det er opp til jordskifteretten å fastsetje kven som skal vere med. Deltakarane i laget svarer i høve til tredjemann etter høvetal. Etter gjeldande jordskiftelov § 34 b tredje ledd kan tiltak som kan innebære stor risiko berre gjennomførast av eit driftsselskap. I slike tilfelle vel parten sjølv om han vil vere med i selskapet. Driftsselskap kan vere skipa før partane kjem til jordskifteretten. Driftsselskap kan òg skipast under saka, eller ettar at saka er avslutta.

Justisdepartementets lovavdeling viser i uttale frå 2002 til at det ikkje er mogleg å gi ei generell avklaring på kva for rettsleg status eit lag som er stifta etter gjeldande jordskiftelov § 34 b første ledd, kan ha. Laget kan for eksempel vere eit tingsrettsleg sameige, eit «beslekta samrettsforhold», eller eit ansvarleg selskap. Det avgjerande er ei konkret vurdering av kva verksemd laget driv. Drifta kan variere, og laget kan såleis skifte karakter. Landbruks- og matdepartementet har grunn til å tru at ein del lag òg kan oppfylle definisjonen i samvirkelova.

#### 8.15.3.2 Etablere lag

Departementet foreslår i tråd med høyringsforslaget at jordskifteretten framleis skal kunne skipe lag og kunne fastsetje vedtekter for lag. Dei høyringsinstansane som uttaler seg om spørsmålet, er samde i det. Kompetansen for jordskifteretten må sjåast i samanheng med heimelen i lovforslaget § 3-8 om sambruk (bruksordning) og lovforslaget § 3-9 om pålegg om felles tiltak, og pålegg om felles investeringar. Forslaget til regel går fram av lovforslaget § 3-10.

Departementet foreslår at jordskifteretten skal ha kompetanse til å skipe lag for drift eller vedlikehald av felles bruk, sjå lovforslaget § 3-10 første ledd. Departementet er ikkje samd med jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme i at jordskifteretten skal ha plikt til å skipe lag. Departementet meiner likevel at det skal liggje til jordskifteretten å vurdere og avgjere om det skal opprettast lag, ikkje til partane. Departementet meiner at lag og vedtekter er viktige for varige og

ordna tilhøve i fellesskapet. Det bør ikkje vere opp til partane å avgjere om skiping av lag skal vere ein del av den samla jordskifteløysinga. Dette gjeld særleg dersom det utenlege tilhøvet som er oppgitt i kravet eller i saksførebuinga, byggjer på at ein ikkje har ei brukbar fellesløysing.

Departementet er samd med Sør-Trøndelag jordskifterett i, at det ikkje er grunn til å føre vidare formuleringa «som er nødvendig» i gjeldande jordskiftelov. Departementet foreslår ei slik løysing i lovforslaget § 3-10. Løysinga fører likevel ikkje til eit anna resultat. Organisering av felles løysingar krev ofte ei organisatorisk overbygging. Etablering av lag vil normalt vere nødvendig for å sikre dette. Når jordskifteretten etter lovforslaget «kan» skipe laget, inneber dette ei vurdering av om det er nødvendig å stifte eit lag eller ikkje.

Etter departementets meining bør lovforslaget § 3-10 første ledd formulerast slik at det er klart at drift eller vedlikehald når fleire skal bruke eigedom eller bruksrett, kan danne grunnlag for eit lag. Departementet foreslår difor at ein skal bruke ordet «eller» i staden for ordet «og» som blir brukt i høyringsforslaget § 3-14. Med dette meiner departementet å slå fast at drift og vedlikehald ikkje er kumulative. Praktiske eksempel kan vere eit lag for drift av felles beite og eit lag for vedlikehald av eit felles gjerde.

Departementet legg til grunn at vurderinga av om det er behov for ei felles løysing skal gjerast i samband med bruken av verkemidla i lovforslaget §§ 3-5 første ledd (skiping av nytt jordsameige), 3-8 (gi reglar om sambruk) og 3-9 (pålegg om tiltak som gjeld fleire og pålegg om fellesinvesteringar).

I nokre høve er laget etablert før partane kjem til jordskifteretten. Krav om jordskifte kan likevel føre til at laget må utvidast, eller tilhøva mellom deltakarane i laget må endrast på annan måte. Det kan òg tenkjast at laget blir lagt ned, og at det blir stifta eit nytt lag. Heimelen i gjeldande jordskiftelov § 34 b dekkjer tilsynelatande berre situasjonen der jordskifteretten stiftar eit nytt lag. Departementet legg likevel til grunn at når jordskifteretten har heimel til å fastsetje for eksempel bruksendringar som får følgjer for etablerte lag, må jordskifteretten reknast for å ha heimel til både å stifte lag og til å endre laga utan omsyn til kva som er fastsett i vedtektene. Departementet meiner det er ønskeleg at dette går klarare fram av ordlyden i lova enn i dag, og har innarbeidd ei slik endring i lovforslaget § 3-10 første ledd andre punktum.

Departementet foreslår òg at det skal gå fram av ordlyden at jordskifteretten skal fastsetje vedtekter for lag som jordskifteretten skipar. Eksiste-

rande vedtekter skal endrast i det omfang endringar i bruksreglar eller endringar i laget, tilseier det. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 3-10 andre ledd. Departementet meiner at jordskifteretten skal ha plikt til å fastsetje vedtekter for dei lag han stiftar. På same måte skal jordskifteretten ha plikt til å tilpasse eksisterande vedtekter når retten endrar noko i bruksreglane, i medlemstalet i laget eller på anna måte gjer noko som gjer det nødvendig å tilpasse eksisterande vedtekter. Om ikkje jordskifteretten gjer dette, er det risiko for å føre vidare unødig potensiale for konflikt. Departementet meiner at vedtekter er ein nødvendig reiskap for å kunne administrere eit lag.

Departementet er samd med jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme i at det er viktig å føre vidare ansvarsdelinga mellom deltakarane i laget slik ho er i gjeldande jordskiftelov. Departementet viser til at høyringsforslaget § 3-14 andre ledd fører vidare essensen i gjeldande jordskiftelov på dette punktet. Departementet har merka seg at det ikkje er nokon høyringsinstans som går mot dette. Denne delinga av ansvar er i samsvar med prinsippet om at kostnader skal delast etter nytte. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 3-29 der det heiter at kvar av deltakarane i laget svarer overfor tredjemann etter partshøvet i laget.

### 8.15.3.3 Driftsselskap

Departementet foreslår at føresegnene om etablering av driftsselskap i gjeldande jordskiftelov § 34 b tredje og fjerde ledd skal først vidare, sjå lovforslaget § 3-10 tredje og fjerde ledd.

Føresegnene i gjeldande jordskiftelov § 34 b tredje og fjerde ledd kom inn i lova i 1998, sjå Ot.prp. nr. 57 (1997-98) kapitel 26. Bakgrunnen for lovendringa var dei situasjonane der ein eller fleire grunneigarar ønskjer å utnytte ein ressurs som ligg til eigedommane, og der eigarane er avhengige av kvarandre for å få til ei tenleg utnytting. Investeringane og risikoen kan vere av ein slik storleik at det er ønskeleg og nødvendig å organisere drifta i form av eit driftsselskap. Denne situasjonen er regulert i gjeldande jordskiftelov § 34 tredje ledd og i lovforslaget § 3-10 tredje ledd. Aktuelle ressursar for utnytting kan vere fallrettar og sand, grus og stein. Føresegnene i gjeldande jordskiftelov § 34 b tredje ledd og lovforslaget § 3-10 tredje ledd er meint å vere ei spesiell lovregulering i høve til selskapslovgivinga, spesielt av omsyn til «ikkje-taps» føresegna i gjeldande jordskiftelov § 3 bokstav a og lovforslaget § 3-18. Føre-

segnene i § 34 b tredje ledd og lovforslaget § 3-10 tredje ledd har særleg stor betydning i dei tilfella der dei ressursane som kan utnyttast, heilt eller delvis ligg i eieeige, og der utnyttinga krev samarbeid med andre for å få ei lønnsam drift.

Føresegnene i gjeldande jordskiftelov § 34 b tredje og fjerde ledd og lovforslaget § 3-10 tredje og fjerde ledd er ei «oppskrift» for korleis partane skal kome seg vidare når jordskifteretten har skipa eit eigarlag etter § 34 b første ledd, jf. lovforslaget § 3-10 første ledd. Føresegnene har vist seg å vere brukelege, mellom anna i dei fallrettssakene som jordskifterettane på Vestlandet har hatt til behandling, og der eigarlag er skipa. Føresegnene i gjeldande jordskiftelov § 34 tredje ledd og i lovforslaget § 3-10 tredje ledd gjer det mogleg for eit fleirtal, rekna etter høvetal, å kome vidare med ei utnytting av ressursane sjølv om eit mindretal er i mot, når tiltaket objektivt sett ikkje inneber tap for nokon part. Gjeldande lov § 34 b fjerde ledd og lovforslaget § 3-10 fjerde ledd gjeld etablering av driftsselskap når partane er samde om det, og tiltaket ikkje inneber stor risiko.

Etter gjeldande jordskiftelov § 34 b fjerde ledd kan jordskifteretten setje ein frist for partane til å leggje fram ein avtale mellom «eigarlaget» og driftsselskapet. Departementet meiner det ikkje er nødvendig med ein eigen regel om ein slik frist i lovforslaget. Departementet viser til at lovforslaget §§ 6-1andre ledd bokstav k og 6-6 til saman gir grunnlag for å setje dei fristar som er nødvendige for å få avvikla jordskiftet. Dette gjeld òg dersom det skal etablerast eit driftsselskap medan eit jordskifte er i gang, og driftsselskapet får status som part i saka.

Departementet er ikkje samd med arbeidsgruppa i at lovforslaget skal innehalde ein regel om at jordskifteretten skal kunne avgjere korleis storleiken på vederlaget frå driftsselskapet til «eigarlaget», skal fastsetjast. Departementet meiner at det må vere opp til «eigarlaget» og driftsselskapet å gjere avtale om dette. Oppgåva til jordskifteretten er å leggje eigedomsutforminga til rette for den aktuelle verksemda, og å skipe «eigarlaget». Departementet viser til at dette liknar på utleige av areal. Jordskifteretten har aldri hatt noko å gjere med å fastsetje korleis leiga skal fastsetjast.

Departementet går såleis òg mot forslaget frå DA om at jordskifteretten skal få heimel til å fastsetje vederlaget eit driftsselskap skal betale til eit «eigarselskap». Dette vederlaget vil vere ein fast kostnad for driftsselskapet. Da vil det verke inn på storleiken på risikoen til driftsselskapet. Er risikoen for driftsselskapet større enn det som kan

akseptarast innanfor ramma av lovforslaget § 3-18, bør det liggje utanfor dei oppgåvene jordskifteretten bør ha.

#### 8.15.3.4 *Ansvarstilhøvet i lag etablert av jordskifteretten*

Departementet foreslår å føre vidare føresegna i gjeldande jordskiftelov § 34 b andre ledd om at kvar deltakar i eit lag etablert av jordskifteretten, skal svare overfor tredjemann etter sin del i laget. Løysinga tilsvavar gjeldande jordskiftelov § 34 b andre ledd. Forslaget går fram av lovforslaget § 3-29.

#### 8.15.3.5 *Eksempelvedtekter for lag etablert av jordskifteretten*

Departementet foreslår ikkje at det skal gå fram av lova at departementet kan lage eksempelvedtekter. Dette forslaget er ei endring i høve til gjeldande jordskiftelov § 34 b femte ledd siste punktum som seier at departementet kan gi nærare føresegner om normalvedtekter. Departementet legg til grunn at departementet, DA eller den enkelte domstolen, uavhengig av om dette står i lova eller ikkje, kan utarbeide samlingar av gode eksempel til bruk for jordskifterettane. Jordskifteretten må sjølv i den konkrete saka sjå til at den konkrete vedtekta som er utarbeidd i jordskiftesaka, er tilpassa dei utenlege tilhøva som partane har vist til.

## 8.16 Bruksrettar og andre rettar som er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing

### 8.16.1 Innleiing

Departementet foreslår i kapittel 11.4., 11.5 og 11.6 at føresegnene i servituttløva §§ 5 og 8 om omskiping og avskiping ikkje skal flyttast ut av servituttløva og inn i jordskifteløva slik forslaget var i høyringsnotatet. Departementet foreslår samstundes at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse til å avgjere saker etter servituttløva om omskiping, avskiping og utvising, anten som eiga sak, eller i samband med sak etter jordskifteløva. Forslaga går fram av lovforslaget §§ 5-3 bokstav e og 5-4, og av forslaget til endring av servituttløva § 18.

Tilhøvet mellom servituttløva og jordskifteløva blir drøfta i kapittel 8.5. Departementet foreslår at om saka gjeld ein alltidvarande bruksrett som ligg til fast eigedom, kan bruksretten utformast på nytt

etter lovforslaget § 3-4. Sjå kapittel 8.10.3. Kapitlet her gjeld den kompetansen jordskifteretten med heimel i jordskiftelova bør ha til å forme ut bruksrettar og andre rettar ut over dette. Kapitlet gjeld dessutan den kompetansen jordskifteretten bør ha til å avløyse bruksrettar og andre rettar etter jordskiftelova, og korleis jordskifteretten gjer slik avløysing.

### 8.16.2 Høyringsforslaget

Høyringsforslaget er prega av at ordninga med avskipping etter servituttløva § 7 er søkt innarbeidd i føresegnene om avløysing. Departementet foreslår ei anna løysing i høyringsbrevet. På grunn av innhaldet i innspela frå høyringsinstansane er det likevel nødvendig å gjere greie for forslaga frå arbeidsgruppa.

Høyringsforslaget § 3-6 byggjer på at kompetansen jordskifteretten skal ha til å forme ut eigedommar på nytt, skal gjelde for ombyting av grunn, rettar og tyngsler. I høve til gjeldande jordskiftelov er dette ei utviding til å gjelde omforming av alle typar rettar både bruksrettar og negative servituttar. Løysinga har samanheng med forslaget om å gjere omskipping etter servituttløva til omforming etter jordskiftelova.

Høyringsforslaget omfattar to paragrafar om avløysing. Høyringsforslaget § 3-9 første ledd gir jordskifteretten heimel til å avløyse bruksrettar. Forslaget fører vidare gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav d og gjeldande jordskiftelov § 36 for dei alltidvarande bruksrettane som er nemnde der. Høyringsforslaget § 3-9 første ledd utvidar heimelen til å gjelde alle typar bruksrettar, òg personlege og tidsavgrensa bruksrettar. Løysinga har samanheng med forslaget om å gjere avskipping etter servituttløva til avløysing etter jordskiftelova.

Høyringsforslaget § 3-9 andre ledd inneheld spesielle vilkår for avløysing etter første ledd.

Vilkåra kjem i tillegg til dei generelle vilkåra for jordskifte. Forslaget byggjer i hovudsak på vilkåra i § 37 i gjeldande jordskiftelov. Heimelen til å avgjere kva vederlaget skal vere ved avløysing, blir likevel utvida noko.

Høyringsforslaget § 3-9 tredje ledd gir heimel for avløysing dersom det ikkje er mogleg å leggje ut ein eigedomspart som vederlag for bruksretten med grunnlag i andre ledd, og bruksordning etter høyringsforslaget § 3-11 ikkje fører fram. I hovudsak fører forslaget vidare reglane i gjeldande jordskiftelov §§ 38 og 39.

Høyringsforslaget § 3-10 opnar for avløysing av negative servituttar. Forslaget er ein del av inn-

arbeidinga av avskipping av servituttar henta frå servituttløva § 7. Moglegheita for å avløyse eller avskipe negative servituttar er nytt i høve til gjeldande jordskiftelov. Høyringsforslaget legg til grunn at jordskifteretten i slike høve skal fastsetje vederlaget i pengar eller andre verdiar.

Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare forbodet mot avløysing av den retten samane har til å drive reindrift i § 3-9 fjerde ledd.

### 8.16.3 Høyringsinstansane

*Miljøverndepartementet* uttaler til høyringsforslaget § 3-10:

«Jordskifteretten/parter bør ikke uten videre kunne avlyse eller endre (negative) servitutter som ivaretar forhold som er forankret i pbl-vedtak eller som er stiftet for å ivareta hensyn og interesser som ellers ville bli ivaretatt i slike vedtak. Eksempler på slike servitutter kan gjelde adkomstrett, rett til parkeringsplass, ferdselsrett for allmennhet, rett til vann og ledninger, eller vilkår som er satt for dispensasjoner av forskjellig slag, jf. pbl § 19-2 siste ledd.»

*Fylkesmannen i Hordaland* støttar forslaget om at jordskifte kan gå ut på å avskipe servituttar.

*Sør-Trøndelag jordskifterett* viser til at det skal vere like prinsipp for avløysing av alltidvarande, tidsavgrensa og personlege bruksrettar etter høyringsforslaget § 3-9. I praksis ser jordskifteretten for seg nokre utfordrande berekningar og skjønnsvurderingar dersom tidsavgrensa bruksrettar skal kunne avløysast i jord. Jordskifteretten peiker òg på at det kan vere nødvendig å gjere eit unntak i lova for forpaktning og tomtefeste.

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedomme* støttar forslaget om å utvide kompetansen for jordskifteretten i høyringsforslaget § 3-9. Jordskiftedommarane peiker på at avgrensinga i gjeldande jordskiftelov § 36 ikkje er heldig, og at ho skapar problem i enkelte situasjonar. Dommarane viser til at tidsavgrensa og personlege servituttar i mange tilfelle skapar like store hindringar for gode løysingar, som alltidvarande bruksrettar. Dommarane er såleis samde i forslaget frå arbeidsgruppa om å generalisere heimelen. Dommarane uttaler likevel:

«I første ledd har vi visse problem med å sjå grunnlaget for at formuleringa «under dette positive servituttar» er teke med. Dei fleste bruksrettar er nettopp «positive servituttar» og slik sett må presiseringa vere unødvendig. Om



det derimot hadde stått «under dette personlege servituttar» ville det kanskje vore ei meining med det i og med at avløyning av personlege servituttar i dag ligg utanfor jordskifteretten sin kompetanse og formuleringa såleis vil peike på den kompetanseutvidinga som er foreslått innført. Men samstundes fell personlege servituttar inn under første delen av den setninga som utgjer første ledd. Såleis kan andre delen av setninga sløyfast, og det kan då heller presiserast i førearbeida at den generelle formuleringa også omfattar personlege servituttar.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* uttaler til § 3-9:

«Andre ledd, første punktum: Sett i forhold til en praktisk anvendelse av bestemmelsen om avløsning av bruksretter, er det positivt at det ikke lenger er knyttet et krav til at vederlaget skal tjene same formål som bruksretten, jf. § 37 i eksisterende lov. Det er nå tilstrekkelig at eiendomsparter har en verdi som bruksretten. Dette gjør bestemmelsen mer anvendbar. Andre punktum bør vurderes strøket, da vi har bestemmelsen i § 2-2. Vilkåret i § 3-3 bør være tilstrekkelig, og det er etter vår mening ikke behov for et tilleggsvilkår. Dette vil få liten praktisk betydning.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner òg det er nok at høyringsforslaget § 3-9 nemner anten bruksrett eller positiv servitutt. Jordskifterettane uttaler:

«Vi foreslår å bruke begrepet positiv servitutt i første ledd. Siden paragrafen gjelder positive servitutter, mener vi det ikke er nødvendig å benytte ordet positiv mer enn i første ledd. Vi er enige i at opplistingen i § 36 i gjeldende lov er tatt ut, og i begrunnelsen for dette. Jordskifterettens hjemmel blir utvidet til også gjelde avløsning av personlige servitutter. Vi mener det er nødvendig med en nærmere presisering. Blant annet gjelder vel regelen i andre ledd alltidvarende servitutter? Positive servitutter kan være alltidvarende, tidsavgrensede eller personlige. Personlige servitutter er tidsavgrensede. Det er uklart om tidsavgrensede servitutter kan avløses.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner at siste punktum i høyringsforslaget § 3-10 der det går fram at vederlaget ikkje kan setjast lågare

enn det er verd for rettshavaren, er unødvendig fordi det følger av garantien mot tap.

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommarane i Frostating jordskiftedømme, jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme og Institutt for landkapsplanlegging ved Universitetet for Miljø- og Biovitenskap* meiner alle at det berre bør vere ein paragraf om kva jordskifteretten kan gjere med negative servituttar. Dei går inn for at høyringsforslaget §§ 3-10 og 3-12 bør slåast saman til ein paragraf.

## 8.16.4 Departementets vurderingar

### 8.16.4.1 Behov for reglar om omskiping og avskipping av rettar i jordskiftelova

Etter gjeldande jordskiftelov § 33 kan jordskifteretten ordne tilhøva mellom eigar og bruksretthavarar ved mellom anna å avgrense feltet for utøving av bruksrett, gi reglar om bruksmåten og flytte bruksretten frå ein stad til ein annan. Som nemnt i kapittel 8.5 er det lagt til grunn i Ot.prp. nr. 56 (1978–1979) side 85 at alle bruksrettar er omfatta, anten dei er tidsavgrensa, alltidvarande, reelle eller personlege. Jordskifteretten kan såleis etter gjeldande jordskiftelov omskipe ein bruksrett som del av eit jordskifte.

Etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav d kan jordskifteretten avløse visse bruksrettar som jordskifte. Dei konkrete reglane om avløyning går fram av gjeldande jordskiftelov §§ 36 og 39. Løysinga slik ho er i dag, kom inn i lova i 1979, og har vist seg å vere tenleg fordi bruksordning, byte av areal og avløyning da kan behandlast i same sak.

Departementet foreslår at avskipping av servituttar og omskiping av blant anna tidsavgrensa bruksrettar som eiga sak, skal skje etter servituttelova, og at slik sak kan behandlast i samband med jordskiftesak, jf. lovforslaget § 5-3 bokstav e, eller kravet om avskipping eller omskiping kan skiljast ut som eiga sak etter lovforslaget § 5-6. Dette gir likevel ikkje ei like god løysing som etter gjeldande jordskiftelov i alle saker. Opninga i gjeldande jordskiftelov for at jordskifteretten kan kombinere verkemidla, gir større fleksibilitet enn om jordskifteretten måtte avgjere jordskifteløysinga for seg og sak etter servituttelova for seg. Fleksibiliteten i gjeldande jordskiftelov opnar såleis for at jordskifteløysinga kan bli meir tenleg for partane i saka. Fell moglegheita for slik kombinasjon bort, kan løysinga i den eine saka ikkje verke inn på løysinga i den andre. Departementet meiner difor at jordskifteretten i nokre høve på

same måte som etter gjeldande jordskiftelov, bør ha heimel for å avløyse retten som del av ei jordskiftesak, og kunne forme ut for eksempel tidsavgrensa bruksrettar på nytt som del av ei jordskiftesak. Det må vere ein føresetnad at partane i jordskiftesaka krev det, og at vilkåra for jordskifte elles er til stades.

#### 8.16.4.2 *Hovudinnhald i reglar om omskiping og avskipping av rettar etter jordskiftelova*

Departementet foreslår med bakgrunn i behovet som er skissert i kapittel 8.16.4.1 i lovforslaget §§ 3-11 og 3-12, reglar som utvidar heimelen for jordskifteretten til å omforme, ordne bruken og avløyse ulike typar rettar ved behandlinga av ei jordskiftesak. Forslaget gjeld sjølv om rettane dette gjeld, ikkje kan gi grunnlag for sjølvstendig krav om jordskifte. Forslaga gjeld både bruksrettar, og negative servituttar. Rettane kan for eksempel vere alltidvarande bruksrettar som ikkje ligg til eigedom, negative servituttar, eller personlege eller tidsavgrensa bruksrettar over fast eigedom.

Departementet meiner likevel at jordskifteretten ikkje bør stå fritt til å omforme eller avløyse slike rettar i jordskiftesaka. Behovet for ei fleksibel løysing er berre til stades dersom rettane er til hinder for ei elles tenleg jordskifteløysing. I gjeldande jordskiftelov går dette vilkåret fram av § 39 som gjeld avløysing av visse bruksrettar. Departementet meiner at vilkåret òg er eigna for å avgrense kompetansen jordskifteretten bør ha når han skal forme ut bruksrettar på nytt, eller avløyse ein negativ servitutt. Departementet foreslår etter dette at vilkåret skal gå uttrykkeleg fram av den nye jordskiftelova, sjå formuleringane i lovforslaget §§ 3-11 og 3-12. Løysinga fører til at reglane blir harmoniserte på dette punktet.

Lovforslaget §§ 3-11 og 3-12 byggjer på ei generalisering av den heimelen jordskifteretten har i dag etter §§ 33 første ledd og 39 til å endre eller avløyse bruksrettar som del av eit jordskifte.

Om hindringa for ei tenleg jordskifteløysing er ein tidsavgrensa bruksrett, eller ein alltidvarande bruksrett som ikkje ligg til fast eigedom, gir dei andre reglane om kompetanse i lovforslaget ikkje heimel for å forme ut eigedommen på nytt. Departementet meiner at jordskifteretten bør ha slik kompetanse på same måte som etter gjeldande jordskiftelov § 33. I forslaget har departementet valt å bruke formuleringa «omskiping». Omskiping omfattar både det å flytte retten, og å få bruken nærare fastlagt, eller få rettshøvet omskipa på annan måte. Omskiping omfattar òg ein rett til å få bruken endra til annan type bruk. Om omskiping

ikkje fører fram, bør jordskifteretten kunne avløyse retten. Forslag til slik heimel går fram av lovforslaget § 3-11. Lovforslaget § 3-11 byggjer på at bruksretten må vere til hinder for ei tenleg jordskifteløysing. Etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c nr. 2, kan bruksordning berre skje dersom det ligg føre særlege grunnar. Departementet legg til grunn at det i praksis vil bli same innhald i vilkåra for å halde bruksordning etter forslaget til ny føresegn.

Er hindringa ein alltidvarande bruksrett som ligg til fast eigedom, kan jordskifteretten etter lovforslaget § 3-4 forme ut bruksretten på nytt. Jordskifteretten kan òg gi eller endre reglar for sambruk som gjeld slik rett med heimel i lovforslaget § 3-8. Dei andre verkemidla i jordskifte i lovforslaget kapittel 3 del II er òg tilpassa at endring av slik bruksrett normalt er ein del av jordskifteløysinga. Behovet for å utvide kompetansen til jordskifteretten er difor etter departementets vurdering, avgrensa til ein heimel for å avløyse bruksrettane. Jordskifteretten har heimel i gjeldande jordskiftelov § 36 til å avløyse visse bruksrettar, for eksempel rett til veg, beite, hogst og så vidare. Departementet foreslår ein meir generelt utforma heimel, sjå lovforslaget § 3-12. Forslaget utvidar kompetansen jordskifteretten får, fordi heimelen er gjort meir generell enn gjeldande jordskiftelov § 36. Departementet meiner at denne løysinga gjer føresegna enklare å bruke enn den konkrete oppstillinga i gjeldande jordskiftelov. Forslaget innskrenkar samstundes kompetansen jordskifteretten vil ha i høve til gjeldande jordskiftelov § 36 fordi forslaget byggjer på eit nytt vilkår. Etter lovforslaget kan jordskifteretten berre avløyse dei aktuelle bruksrettane dersom retten er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing.

Ein negativ servitutt kan òg hindre eit tenleg jordskifte. Gjeldande jordskiftelov har ikkje reglar om omskiping eller avskipping av slike rettar. Det er grunn til å tru at omskiping av slik rett sjeldan vil vere aktuelt. Normalt må ein rekne med at negative servituttar vil bli avskipa mot vederlag i pengar. Utgangspunktet i jordskifteløysinga er at vederlag skal skje i areal og rettar, sjå lovforslaget § 3-21. Departementet meiner såleis at det ikkje er behov for nokon regel om omskiping av negativ servitutt i jordskiftelova. Der den negative servituten er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing, og vilkåra for jordskifteløysinga i lovforslaget kapittel 3 del IV er til stades, meiner departementet likevel at lova bør opne for at jordskifteretten som del av jordskiftet skal kunne avløyse ein negativ servitutt. I unntakstilfelle kan dette gi ei meir fleksibel løysing enn om jordskifteretten

berre kunne avløyse retten med heimel i servituttløva, sjå lovforslaget § 3-12. Departementet legg til grunn at denne løysinga mellom anna løyser dei problema Miljøverndepartementet gir uttrykk for om at jordskifteretten som eiga jordskiftesak ikkje bør kunne avløyse negative servituttar som tek vare på tilhøve forankra i vedtak eller i plan- og bygningslova. I lovforslaget har departementet valt formuleringa «rett til å forby enkelte slag verksemd, bruk eller tilstand» for å få fram at føresegna gjeld negative servituttar. Formuleringa er henta frå servituttløva § 1.

#### 8.16.4.3 *Unntak frå kompetansen til å avløyse rettar*

Departementet er samd med Sør-Trøndelag jordskifterett i at omsynet til forpaktaren tilseier at ei avtale om forpaktning ikkje bør kunne avviklast gjennom avløysing etter lovforslaget § 3-11. Slike avtarar bør etter departementets syn regulerast gjennom forpaktingslova og avtalelova. For at det ikkje skal vere tvil om dette, foreslår departementet ein uttrykkeleg regel om det i lovforslaget § 3-11 andre ledd. Departementet viser til at det er eigne reglar for avvikling av forpaktning i forpaktingslova.

Departementet er òg samd med Sør-Trøndelag jordskifterett i at jordskifteretten ikkje skal kunne avløyse eit tomtefeste. Departementet viser til at det er eigne reglar for innløysing og avvikling av tomtefeste i tomtefestelova, og at det ikkje er slike reglar i gjeldande jordskiftelov. Departementet meiner difor at jordskifteretten ikkje bør ha nokon heimel til å avvikle eit tomtefeste. Lovforslaget § 3-11 bør såleis ikkje gjelde tomtefeste. For at det ikkje skal vere tvil om dette, foreslår departementet ein uttrykkeleg regel i lovforslaget § 3-11 andre ledd første punktum.

Departementet foreslår òg å føre vidare avgrensinga i gjeldande jordskiftelov mot å avløyse retten samane har til å drive reindrift. Avgrensinga går fram av lovforslaget § 3-11 andre ledd andre punktum. Omtalen av dette er gitt i kapittel 8.6.3.2.

#### 8.16.4.4 *Vederlag ved avløysing av rettar*

Det går fram av gjeldande jordskiftelov § 38 at bruksrett etter § 36 som ein hovudregel kan avløysast til ein eigedomspart. Dersom dette ikkje let seg gjere, kan avløysinga skje ved vederlag i form av jord, pengar eller andre verdjar. Gjeld bruksretten ein rett som ikkje er omfatta av § 36, skal avløysingsmåten fastsetjast av jordskifteretten

etter fritt skjønn til jord, pengar eller andre verdjar, sjå gjeldande jordskiftelov § 39.

Fordi høyringsforslaget byggjer på at alle servituttar, mellom anna negative servituttar, skal kunne avløysast som jordskifte, byggjer høyringsforslaget på at jordskifteretten skal ha ein utvida heimel til å gi vederlaget i andre verdjar enn eigedomspartar. Departementet har valt ei anna løysing enn arbeidsgruppa, sjå mellom anna omtale av dette i kapittel 8.5. Med denne løysinga er det mindre behov for å gi vederlag i anna enn ein eigedomspart. Det vil normalt vere mogleg, og truleg òg greitt, å gi ein eigedomspart som vederlag for ein alltidvarande servittutt. Behovet for å utvide gjeldande heimel for å gi eit oppgjer i pengar, er likevel til stades, og det bør som i dag vere mogleg å fastsetje oppgjeret i slike verdjar. Departementet meiner samstundes at reglane om dette i gjeldande jordskiftelov §§ 38 og 39 er unødige kompliserte. Departementet foreslår difor at vederlaget ved avløysing etter lovforslaget §§ 3-11 og 3-12 skal kunne vere areal, pengar eller andre verdjar. Løysinga går fram av lovforslaget § 3-26.

Departementet foreslår i lovforslaget § 3-26 at jordskifteretten ved avløysing etter lovforslaget §§ 3-11 første ledd andre punktum eller 3-12 skal ha eit val mellom alternative vederlag. Utgangspunktet er at rettshavaren skal få grunn eller ein bruksrett i staden for den bruksretten som blir avløyst. Vederlaget kan setjast til pengar eller andre verdjar dersom det er meir tenleg enn grunn eller bruksrettar. Forslaget er i tråd med løysinga i gjeldande jordskiftelov § 39. I lovforslaget er likevel pengar nemnt før areal. Årsaka er at pengar til vanleg vil vere best eigna som vederlag ved avløysing etter lovforslaget §§ 3-11 og 3-12. Departementet er samd med Sør-Trøndelag jordskifterett i at det kan by på utfordrande berekningar og skjønnsvurderingar om negative servituttar, eller personlege eller tidsavgrensa bruksrettar over fast eigedom, skal avløysast i fast eigedom.

Departementet foreslår ikkje noko krav om at vederlaget skal tene same formål som retten. Bortfall av dette vilkåret er ei endring i høve til gjeldande jordskiftelov § 37 første punktum. Forslaget gjer regelen meir brukande enn gjeldande jordskiftelov.

## 8.17 Grunnlaget for jordskifteløysinga, lovforslaget kapittel 3 del III

Kapittel 3 del I og II i lovforslaget gjeld kompetansen jordskifteretten har når det blir kravd ei jordskiftesak. Departementet meiner at dei ulike føre-

segnene som gjeld grunnlaget for jordskifteløysinga, bør samlast i eit eige underkapittel i lova. Reglar om eigedomsrettstilhøva før jordskifte og reglar om verdsetjinga, er difor samla i kapittel 3 del III i lovforslaget.

Behovet for endring av desse reglane ligg i hovudsak i at reglane bør forenklast og tilpassast til ein situasjon der jordskifte ikkje berre går føre seg i landbruksområde. Departementet meiner som eit utgangspunkt, at det er grunn til å gå langt i å sløyfe detaljregulerande føresegner med mindre reglane er grunna i omsynet til rettstryggleiken. Det bør vere opp til jordskifteretten å vurdere dei argumenta partane set fram i saka. Vurderinga jordskifteretten skal gjere bør ikkje avgrensast i lova til berre å gjelde argument som særleg kan vere relevante ved saker som gjeld landbrukseigedom.

## 8.18 Eigedoms- og bruksrettstilhøva

### 8.18.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-16 å føre vidare at jordskifteretten skal ha heimel til å fastsetje grenser og andre eigedomstilhøve. Etter forslaget til arbeidsgruppa skal dette gjelde så langt det er nødvendig for å halde jordskifte.

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-18 òg ein generell regel om grunnlaget for jordskiftet. Grunnlaget skal vere den samla verdien som partane rår over. I andre ledd foreslår arbeidsgruppa at sameiger skal delast etter partshøva. Om ikkje særskilt høvetal er kjent, eller nokon eigedom har særrettar i sameiga, skal det delast etter den skatteskylda kvar eigedom hadde da sameigetilhøvet mellom dei kom opp. Er den skylda ukjent, skal skylda som gjaldt fram til lov 17. desember 1836 leggjast til grunn. Det skal ikkje takast omsyn til avtak i skatteskylda.

### 8.18.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* støttar den forenklinga høyringsforslaget § 3-16 fører til samanlikna med gjeldande jordskiftelov § 16. Departementet er òg samd med arbeidsgruppa i at om ei utenleg grense mot naboeigedom er eit problem, bør det gjerast til ein del av saka. Ei slik løysing er i tråd med at partane sjølv avgjer kva saka gjeld.

*Domstoladministrasjonen (DA)* meiner at paragrafen bør vise kva for avgjerdsform som skal brukast. Det same gjer *Sør-Trøndelag jordskifterett* som dessutan uttaler:

«For øvrig mener vi teksten i første ledd må endres til: «Før endringsarbeidet tar til, skal jordskifteretten fastsetje alle grenser, eigedoms- og rettsforhold så langt det er nødvendig for å gjennomføre jordskiftet slik det er avgrensa etter § 6-17.»

*Statens kartverk* etterlyser ein dialog om rutinar ved rapportering til matrikkelen, blant anna korleis ein får ein korrekt førsituasjon i matrikkelen før jordskiftet.

*Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap* meiner at høyringsforslaget § 3-26, 2 og 3 ledd høyrer inn under fastsetjinga av eigedomstilhøva før endringsarbeidet tek til. Instituttet foreslår difor å flytte føresegnene.

### 8.18.3 Departementets vurderingar

Jordskifteretten skal etter gjeldande jordskiftelov § 16 klarleggje grensene for skiftefeltet og mot naboeigedommar. Er det tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett eller anna innan skiftefeltet eller med utanforståande, skal jordskifteretten etter gjeldande jordskiftelov § 17 avgjere tvisten ved dom dersom det er nødvendig av omsyn til jordskiftet. Dersom det ikkje er tvist, skal retten etter gjeldande jordskiftelov § 17 a ta avgjerd om grenser, rettar eller plikter for ein eller fleire partar ved rettsfastsetjande vedtak. Jordskifteretten skal elles etter gjeldande jordskiftelov § 27 fastsetje partshøvet dersom saka gjeld oppløysing av sameige og partane ikkje er samde om partshøvet.

Dei refererte føresegnene er sentrale for å finne ut av kva som er grunnlaget for jordskiftet. Det vil seie kva for ressursar jordskiftet gjeld for, og kor stor del kvar eigar eller bruksrettshavar har av ressursane. Departementet meiner at føresegnene bør førast vidare i ny jordskiftelov. Departementet meiner likevel at dei kan forenklast. Dei bør òg tilpassast den strukturen som er valt i lovforslaget. I det ligg at kompetansen jordskifteretten elles har til å klarleggje og fastsetje grenser bør gå fram av lovforslaget kapittel 4. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 3-13 første ledd.

Departementet meiner at det ikkje er behov for eit skilje mellom tvist og ikkje-tvist i føresegna slik løysinga er i dag. Jordskifteretten må uansett finne ut av grunnlaget for jordskiftet med endeleg verknad før jordskifteløysinga kan formast ut. Departementet foreslår etter dette å slå saman klarlegging av grenser etter gjeldande jordskifte-

lov §§ 16 og 17 a og avgjerd i tvist etter gjeldande jordskiftelov § 17. Jordskifteretten skal etter lovforslaget § 3-13 første ledd første punktum «fastsetje eigedoms- og bruksrettstilhøva slik dei er». Forslaget gir heimel for at jordskifteretten i ei jordskiftesak kan ta stilling til dei same tilhøva som jordskifteretten kan avgjere som eiga sak etter lovforslaget kapittel 4. Når jordskifteretten fastset eigedoms- og bruksrettstilhøve, kan jordskifteretten òg ta stilling til underliggjande rettstilhøve, for eksempel tvist om kven som er eigar eller bruksrettshavar. Tvist om tilhøve som ikkje har sakleg samanheng med eigedomstilhøva eller brukstilhøva kan retten ikkje avgjere. Jordskifteretten har etter første punktum ein plikt til å fastsetje eigedoms- og bruksrettstilhøva.

Departementet er samd med Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap i at leigetilhøva i jordskifteområdet må registrerast. Departementet legg til grunn at formuleringa «eigedomstilhøva og bruksrettstilhøva» i lovforslaget § 3-13 første ledd femner om dette.

Departementet er samd med DA og Sør-Trøndelag jordskifterett i at ordlyden bør vise kva for avgjerdsform som er aktuell. Dette gir viktig informasjon til den som er part i ei jordskiftesak, mellom dei sjølvprosederande partar. Når jordskifteretten skal «fastsetje eigedoms- og bruksrettstilhøva», vil avgjerdsforma etter lovforslaget § 6-23 første ledd vere dom. Det er ikkje nødvendig at avgjerdsforma blir nemnt særskilt slik løysinga er i gjeldande jordskiftelov §§ 17 andre ledd eller 17 a første ledd. Det er likevel sagt uttrykkeleg i spesialmerknaden til lovforslaget § 3-13 at avgjerdsforma er dom.

Departementet foreslår at jordskifteretten framleis skal kunne byggje på skatteskylda for å finne fram til partshøvet. Departementet meiner likevel at dette ikkje behøver å vere eit påbod slik det er etter gjeldande jordskiftelov § 27, og det ikkje treng å stå i lova. Dersom jordskifteretten meiner at skatteskylda er best eigna til å få fastsett partshøvet, kan jordskifteretten byggje på skatteskylda. Er det andre tilhøve som er betre eigna til å få partshøvet fram, kan jordskifteretten byggje på dei.

I nokre høve er det klart korleis eigedoms- eller bruksrettstilhøvet er. I andre er dette ikkje klart. Sjølv om det ikkje er klart, kan partane heilt eller delvis vere samde om dette. Jordskifteretten bør kunne leggje ei semje mellom partane til grunn for avgjerda. Departementet meiner likevel at jordskifteretten ikkje bør ha plikt til å byggje på

ei semje mellom partane. I nokre høve kan semja dekkje over ein handel med eigedom eller at ein «svak» part er pressa med på semje med urimelege pressmiddel. Departementet foreslår såleis i lovforslaget § 3-13 andre ledd at jordskifteretten ved den fastsetjinga som skal skje etter første ledd, «kan» byggje på ei semje om grunnlaget for jordskifteløysinga. Dette gir jordskifteretten eit val.

Statens kartverk er oppteken av at jordskifteretten bør rapportere til matrikkelstyresmakta om korleis eigedoms- og bruksrettstilhøva er før jordskiftet. Jordskifteretten har ikkje slik rapporteringsplikt i dag. Jordskifteretten skal likevel rapportere om at det er sett fram krav om jordskiftesak og om resultatet av jordskiftesaka. Denne plikta foreslår departementet å føre vidare. Sjølv lovforslaget § 6-30. Matrikkelen skulle såleis til ei kvar tid vere oppdatert om kva for eigedommar som er involvert i sak for jordskifteretten, og om dei endelege eigedoms- og bruksrettstilhøva. Departementet ser ikkje behovet for at jordskifteretten i tillegg skal rapportere om grunnlaget for jordskiftet. Dette vil vere eigedoms- og bruksrettstilhøve som gjeld for ein liten periode fram til den endelege jordskifteløysinga blit fastsett. I denne perioden bør det vere nok at det går fram av matrikkelen at jordskifte er sett i gang.

## 8.19 Verdsetjing

### 8.19.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-7 første ledd første punktum at jordskifteretten som i dag, skal verdsetje det som går i byte ved eit jordskifte. Arbeidsgruppa foreslår dessutan ein ny regel i høyringsforslaget § 3-17 første ledd andre punktum om at jordskifteretten skal bruke verdimål som er eigna til å prøve vilkåret i høyringsforslaget § 3-3 første ledd. Høyringsforslaget § 3-3 første ledd seier at kostnadene og ulempene ikkje kan vere større enn nytten for kvar enkelt eigedom. Ut over dette foreslår arbeidsgruppa i høyringsforslaget § 3-17 andre ledd å gi jordskifteretten ein valfridom mellom aktuell og potensiell verdi.

Arbeidsgruppa legg til grunn at avgjerdsforma ved verdsetjing skal vere jordskifteavgjerd. Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-17 tredje ledd siste punktum at jordskifteretten framleis skulle kunne gjere om på verdsetjinga. Vilkåra skal vere dei same som etter gjeldande jordskiftelov § 17 a sjettedledd,

### 8.19.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* foreslår at høyringsforslaget § 3-17 andre ledd bør omformast. Justisdepartementet foreslår følgjande ordlyd:

«Verdien av det som går i byte skal bli sett til aktuell eller potensiell verdi. Blir verdsetjinga gjort i potensiell verdi, treff retten avgjerd om kven som skal bere investeringane og kor store dei skal vere.»

*Domstoladministrasjonen (DA)* peiker på at reglane om verdsetjing er viktige i ulike samanhengar, og viser til tapsfråværgarantien og areal som skal gå i byte, som eksempel på dette. I begge høve er spørsmålet kva for verdsetjingsprinsipp som skal leggjast til grunn. I samanheng med ekspropriasjon skal partane ha full erstatning, men i jordskiftesamanheng er det nok at dei relative verdiane mellom areala er dei same. Det er likevel nødvendig med reglar om korleis verdsetjinga skal gjennomførast. DA meiner at høyringsforslaget § 3-17 første ledd andre punktum er utforma slik at det kan stillast spørsmål ved om kravet betyr at ein må ha ein eigen metode for verdsetjing for å dokumentere skiftenytten. DA peiker på at det vil vere uheldig å ha slike krav, og meiner at det heller ikkje kan vere tilsikta i lovforslaget. DA foreslår difor å stryke punktumet.

DA peiker òg på at omgrepa aktuell verdi og potensiell verdi er brukte i høyringsnotatet. DA viser til at dette er ei endring i høve til gjeldande jordskiftelov § 28 som i praksis byggjer på ein bruksverdi. DA oppfattar omgrepet aktuell verdi som den verdien arealet har slik det er i dag. Dette bør kome betre fram i forarbeida.

DA ber òg om at omgrepet potensiell verdi blir drøfta klarare i forarbeida, og spør blant anna om dette skal tolkast som ei form for teknisk verdi. DA peiker på at verdien på arealet kan vere høgare enn den aktuelle bruken av arealet i dag, for eksempel på grunn av framtidig utbygging av området. Verdsetjinga må blant anna byggje på kva for utnytting av areala som er sannsynleg i tida framover. DA meiner at omgrepet potensiell verdi er uklart. Potensiell bruk er ikkje definert gjennom rettspraksis, og heller ikkje definert nærare i høyringsnotatet. DA foreslår å erstatte omgrepet potensiell bruk med omgrepet påreknelig bruk. Kva som er påreknelig bruk, har domstolane behandla i fleire samanhengar. Etter kvart har ein fått fastlagt kva for prinsipp som skal leggjast til grunn for å finne fram til kva som er påreknelig.

DA peiker elles på at nye prinsipp for verdsetjing kan føre til mykje prosess for å fastlegge innhaldet i prinsippa nærare. Dette gjer det nødvendig å vere konsekvent i omgrepsbruken òg i andre paragrafar. DA viser til at «påreknelig» blir brukt i høyringsforslaget § 3-24 første ledd første punktum. Det gjer det uklart om det er ulike prinsipp som skal leggjast til grunn etter høyringsforslaget §§ 3-17 og § 3-24.

DA meiner elles at høyringsforslaget § 3-18 òg gjeld verdsetjing. DA foreslår difor at regelen blir innarbeida i høyringsforslaget § 3-17.

*Jordskifteoverdommarane og jordskifterettsleiarane i Frostating jordskiftedømme* stiller som DA spørsmål ved om høyringsforslaget § 3-17 første ledd andre punktum kan bli forstått slik at ein må ha ein verdsetjingsmetode som dokumenterer skiftenytten. Det kjem ikkje klart fram om dette er nødvendig eller ikkje. Etter synet som overdommarane og jordskifterettsleiarane har er det ikkje nødvendig med eit slikt verktøy. Om verdsetjing etter bruksverdi skjer på tradisjonell måte, vil skifteregnskapet vise at eigedommen har same kronerverdi før og etter jordskiftet. Det vil ikkje kome fram nokon nytte av regnskapet, eller av det verdimålet som blir nytta. Det er jordskifteretten som vurderer om eigedommen utover dette er betre utforma og meir tenleg etter skiftet enn før. Overdommarane og jordskifterettsleiarane meiner at dette er nok. Dei viser elles til at løysinga i høyringsforslaget vil føre til ei verdsetjing i to omgangar. Det blir ei verdsetjing før og etter jordskiftet. Det er ressurskrevjande. Metoden blir ikkje brukt i praksis. Overdommarane og jordskifterettsleiarane foreslår at andre punktum må strykast. Det blir da opp til jordskifteretten å grunngi at vilkåret i høyringsforslaget § 3-3 er oppfylt ved jordskifteavgjerda.

*Jordskifteoverdommarane og jordskifterettsleiarane* foreslår elles at omgrepa aktuell og potensiell verdi ikkje må brukast, men at ein heller viser til den tekniske tilstanden arealet har. Dei peiker elles på at høyringsforslaget § 3-22 har ein liknande regel.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* foreslår òg å slette høyringsforslaget § 3-17 første ledd andre punktum. Jordskifterettane peiker på at tankegangen som forslaget byggjer på ikkje er ny, men at det ikkje er utvikla metodikk som løyser dette. Jordskifterettane uttaler seg òg om dette:

«Rettens vurdering av vilkåret i § 3-3 vil i stor grad være en verbal beskrivelse. Skifteregnskapet vil være en støtte for denne skjønnsmessige vurderingen, men kan ikke vise et eksakt

tall. Første punktum er tilstrekkelig og en vide-reføring av gjeldende rett. Vi kjenner ikke til at det er behov for endring på dette punkt.»

Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme meiner òg at omgrepet potensiell verdi bør strykast. Jordskifterettane meiner at omgrepet pårekeleg verdi er meir dekkjande. Jordskifterettane reiser elles spørsmål om høyringsforslaget § 3-17 siste ledd siste punktum kan strykast.

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* meiner at verdsetjing ut frå aktuell verdi gir det sikraste resultatet. Pårekeleg eller potensiell verdi kan vere så mangt, og det er større eller mindre grad av uvisse ved ein slik verdi. Dette bør difor vere ein unntaksregel som kan brukast i særlege høve når retten finn at det gir eit betre resultat. Omgrepet potensiell verdi kan få partane til å tenkje «hypotetisk verdi», og er såleis ikkje brukande. Jordskiftedommarane meiner elles at verdsetjing er eit viktig tema som har fått liten plass i høyringsnotatet. Dei peiker på at det anten må gjerast grundigare arbeid på dei aktuelle reglane, eller så må jordskifteretten stå fritt til å velje korleis det skal verdsetjast. Korleis det er rett å verdsetje, kan variere mykje frå sakstype til sakstype.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* viser òg til at verdsetjinga er sentral. Det er eit mål å få ein meir konsekvent og bevisst omgrepsbruk, men dette målet blir ikkje oppfylt i høyringsnotatet. Jordskifterettane viser til omgrepa potensiell og aktuell verdi blir brukt i høyringsforslaget § 3-17, medan omgrepet arealverdi blir brukt i høyringsforslaget § 3-21 første ledd. Omgrepa grunnverdi og samla bruksverdi blir brukt i andre ledd i same paragrafen. Omgrepet arealverdi blir òg brukt i høyringsforslaget §§ 3-15 og 3-25, medan omgrepet samla verdi blir brukt i høyringsforslaget § 3-18, samla bruksverdi blir brukt i høyringsforslaget § 3-21 og omgrepet pårekeleg blir brukt i høyringsforslaget § 3-24.

Med omgrepet arealverdi fører ein inn eit nytt verdsetjingsomgrep. Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme meiner det er nødvendig å definere nærare kva som ligg i omgrepet. Jordskifterettane viser i denne samanhengen til andre omgrep som er nytta i økonomisk teori, for eksempel grunnverdi, bruksverdi, marginal bruksverdi og gjennomsnittleg bruksverdi, og peiker på at definisjonen av arealverdi bør knytast til slike innarbeidde omgrep. Jordskifterettane etterlyser ei drøfting og klargjering av omgrepa i lovteksten, og meiner at valet av verdsetjingsprinsipp og jordskiftegrunnlag til ulike formål må

drøftast nærare, blant anna med bruk av aktuelle og praktiske eksempel både i rurale og urbane strom. Jordskifterettane viser elles til at det er ein stor mangel når valet av jordskiftegrunnlag i skog ikkje blir drøfta av arbeidsgruppa.

Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme er positive til å føre inn generelle lovreglar om verdsetjinga og eit generelt omgrep som arealverdi. Endringa kan føre til at retten får eit meir fleksibelt utgangspunkt ved verdsetjing og val av jordskiftegrunnlag. Det har med tida blitt fleire unntak frå grunnverdi i gjeldande jordskiftelov. Det blir fleire saker med urban karakter der eit slikt jordskiftegrunnlag er uaktuelt. Jordskifterettane peiker på at ein annan måte å løyse dette på er å definere hovudreglar for ulike verdsetjingsformål. Jordskifterettane viser til at omsynet til lik praksis i like saker gjer at det bør utarbeidast nokre ramar, og foreslår ei slik løysing.

Ut over dette har jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme konkrete merknader til høyringsforslaget § 3-17, § 3-18 og 3-21. I samband med høyringsforslaget § 3-17 viser dei til at siste setning i første ledd bør sløyfast fordi det ikkje er klart kva ein meiner med tilvisinga til høyringsforslaget § 3-3. Andre ledd som innfører omgrepa aktuell og potensiell verdi, foreslår dei å stryke. Jordskifterettane foreslår å føre vidare gjeldande jordskiftelov § 17 a andre ledd, men er usikre på om dette bør gjerast i høyringsforslaget § 3-17 eller ein annan stad. I samband med høyringsforslaget § 3-18 uttaler jordskifterettane at det ikkje bør innførast detaljerte reglar i lova, men at det bør definerast nokre ramar, for eksempel tilsvarende reglane i ekspropriasjonserstatningslova §§ 4, 5 og 6. I samband med høyringsforslaget § 3-21 er jordskifterettane kritiske til omgrepsbruken som gjeld verdsetjing.

*Sør-Trøndelag jordskifterett* er òg av den meinining at høyringsforslaget § 3-17 første ledd andre punktum er unødvendig. Det følgjer av tapsgarantien, jf. høyringsforslaget § 3-2 og § 3-3 at det må skje ei verdsetjing som er forståeleg og eigna til å bli prøvd. Sør-Trøndelag jordskifterett peiker òg på at det er uklart kva som ligg i omgrepet potensiell verdi. Sør-Trøndelag jordskifterett foreslår å bruke omgrepet pårekeleg i staden. Dette vil vere i samsvar med ekspropriasjon og gjeldande jordskiftelov.

*Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap* etterlyser ei grundigare opprydding i reglane om verdsetjinga enn det høyringsforslaget legg opp til. Instituttet har avgrensa uttalen til dei tilhøva instituttet meiner er viktigast.

Instituttet peiker på at det er innført ein ny terminologi i høyringsforslaget, og at terminologien ikkje har fått eit klart definert innhald. Nokre stader blir han brukt på ein slik måte at ein får inntrykk av at meiningsinnhaldet er ulikt i ulike samanhengar. Som eksempel på dette blir det særleg vist til omgrepa «jordskiftegrunnlaget» og «arealverdi». Omgrepa må definerast klarare. Omgrepet «arealverdi» bør erstattast av eit omgrep som er meir presist. Instituttet foreslår å bruke omgrepet «varig verdi» i staden. Varig verdi bør ha ein noko annan funksjon. Det bør takast utgangspunkt i verdien eigedommen har for dei konkrete eigarane. Om ein held fast ved det «objektive» utgangspunktet ein har i dag, må lova leggje til rette for at eigarane kan uttale seg før forslag til jordskifteløysning blir lagt fram. Det bør òg gå fram av forarbeida at partsanalysen må tilleggjast vekt ved utforminga av jordskifteløysinga.

Instituttet foreslår ei endring i høve til gjeldande jordskiftelov slik at det ikkje blir reglar om skiftegrunnlag i den nye lova. Reglane i gjeldande jordskiftelov er berre eit nominelt system som jordskifteretten følgjer så langt det passar. Den reelle framgangsmåten byggjer på at ein ikkje skal endre karakteren eigedommen har for mykje gjennom skiftet. Det er det som styrer jordskifteløysinga, ikkje at grunnverdien skal vere så lik som mogleg. Jordskifteretten har eit stort spekter av moglegheiter innanfor jordskiftegrunnlaget. Spekteret er meir eller mindre i tråd med ordlyden i gjeldande jordskiftelov. Instituttet viser dette med følgjande eksempel:

«Dyrka mark skiftes noen ganger etter potensiell verdi, andre ganger etter faktisk verdi. Det samme gjelder infrastruktur som for eksempel veier. Noen ganger trekkes bygninger med i skiftegrunnlaget, andre ganger ikke. Naturressurser på eiendommen trekkes noen ganger inn i skiftegrunnlaget, andre ganger ikke. Ved rene skogskifter trekkes noen ganger standskogen ikke med, andre ganger delvis med, og pr. i dag er det vanligst (målt i areal) at standskogen ikke er tatt med i sin helhet. På de høye boniteter i skog blir grunnverdi aldri brukt (selv om grunnverdi er det nominelle utgangspunktet), fordi man alltid ser bort fra alle eller store deler av skogkulturkostnadene.»

Instituttet foreslår å kodifisere dagens praksis. Det skal gjerast ved å fastsetje krav til jordskifteløysinga. I lova kan det visast til omsynet til den langsiktige avkastninga eigedommen kan gi, og

verdien av eigedommen på lang sikt. Desse omsyna ligg i dag til grunn for reglane om skiftegrunnlaget. Krava til jordskifteløysinga må omfatte krav om kontantoppgjjer for «arealverdi» (det vil seie langsiktig avkasting eller verdi) og krav knytt til endring av ulike eigedomstypar. I tillegg bør det vere ein heimel for å gå ut over hovudregelen dersom anten parten aksepterer det eller der ingen lir tap. I slike tilfelle bør det ikkje liggje føre særlege grunnar som taler mot å gjere unntak, jf. regelen i høyringsforslaget § 3-21, andre ledd, siste punktum. Sjølv om reglane om skiftegrunnlaget blir borte, vil jordskifteretten truleg framleis finne det tenleg å bruke skiftegrunnlag i det praktiske arbeidet med jordskifteløysinga. Retten kan da bruke den same framgangsmåten som før, utan at han er formelt bunden til å velje eit av dei skiftegrunnlaga som i dag er fastsett i lova.

Instituttet viser elles til at ein eigar ikkje deler verdien av eigedommen i «grunn» eller liknande og «verdiar som følgjer grunnen». Inndelinga ligg likevel til grunn for lovforslaget og for arbeidet i jordskifteretten. Lova eller forarbeida bør gjere dette klart. Reglane om eit eventuelt likvidoppgjjer for naturressursar, infrastruktur, bygningar og anlegg og så vidare bør dessutan samlast i ein generelt utforma regel. Gjennom kommentarar til reglane kan det gjerast klart korleis tilhøvet til tidlegare reglar er.

Instituttet peiker i samband med høyringsforslaget § 3-17 på at det er viktig at retten får fleksibilitet når det gjeld val av verdimål. Instituttet uttaler om dette:

«Både avkastningsverdi (bruksverdi) og markedsverdi (salgsverdi) kan være aktuelle verdimål, både for verdien av jordskiftegrunnlaget og verdien av det samsvarende objektet etter skiftet (kan kalles «jordskifteresultatet»). Det er vanskelig å si noe generelt om når de ulike verdimålene bør brukes, jf. for eksempel Bærug (2007). Dette gjelder generelt, for alle typer eiendommer og saker. For eksempel kan markedsverdi være aktuelt i landbruksområder, og avkastningsverdi kan være aktuelt i utbyggingsområder.

Andre ledd bør tas bort. Det sier seg selv at man kan ta utgangspunkt i et objekts potensielle verdi ved verdsettingen av jordskiftegrunnlaget. Og hvis det er det man i dag kaller skiftegrunnlaget som bestemmelsen retter seg mot, så foreslår vi å legge alle bestemmelser om det til en mer generelt formulert skranke på skiftegrunnlaget.»



*Jernbaneverket* meiner at omgrepa bruksverdi og pårekeleg utnytting som er vel innarbeidde omgrep i ekspropriasjonsretten, bør nyttast i staden for aktuell og potensiell verdi. Jernbaneverket etterlyser konkret grunngeving for dei nye omgrepa, og ei drøfting av innhaldet i dei. Når grunngevinga manglar, er det rom for tolkingstvil, og det kan føre til fleire tvistar. Jernbaneverket meiner at høyringsforslaget § 3-22 er vanskeleg tilgjengeleg, og uttaler følgjande om bruken av aktuell og potensiell verdi:

«Gjeldende lovs § 51 er i praksis videreført, men «dyrka og udyrka mark» er skiftet ut med «opparbeidet og ikke opparbeidet areal». Det er uklart hvilke elementer verdsettingen skal baseres på. Hvordan de ulike elementene som påvirker eiendommens verdi skal vektlegges sies det i lovteksten og i kommentarene lite og ingenting om. Ved verdsetting av arealer vil en vektlegge og ta hensyn til ulike elementer avhengig av hvilket formål arealet benyttes eller skal benyttes til. Beliggenhet har eksempelvis stor vekt ved taksering av arealer til utbyggingsformål, men mindre vekt for arealer til bruk for eksempel skogbruksformål. For sistnevnte arealkategori vil eiendommens bonitet ha stor vekt. Hvorvidt et areal er opparbeidet eller ikke, og graden av opparbeidelse, har også betydning for verdsettelsen. Utfyllende beskrivelser og veiledning i kommentarene er følgelig påkrevet.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* viser til at høyringsforslaget § 3-18 første ledd må skrivast om slik at det er den verdien partane rår over innan den geografiske og saklege avgrensinga av skiftefeltet, som dannar grunnlaget. Jordskiftedommarane oppfattar tredje ledd som ein verdsettjingsregel snarare enn ein skiftegrunnlagsregel.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner det kan stå jordskiftegrunnlaget i § 3-18 første ledd fordi omgrepet er definert i § 1-3. Omgrepet skiftegrunnlaget bør endrast til jordskiftegrunnlaget slik at omgrepsbruken blir konsekvent. Jordskifterettane meiner at det ikkje er ønskeleg å innføre slike detaljerte reglar om verdsetjing i lova. Det bør definerast nokre rammer. Jordskifterettane stiller elles spørsmål ved om det er rett å nemne to konkrete reglar om utbyggingsformål og skog utan at det òg blir definert reglar for verdsetjing av andre utnytingsformer.

### 8.19.3 Departementets vurderingar

#### 8.19.3.1 Gjeldande reglar om verdsetjing ved byte av areal og rettar

Det er fastsett i gjeldande jordskiftelov § 19 andre ledd at det som går i byte, alltid skal verdsetjast. Verdsetjinga av areal og rettar, standsskog med meir som skiftar eigar, er ein sentral og viktig del av det arbeidet jordskifteretten gjer. Verdsetjinga skjer på grunnlag av arealbruken på skiftetidspunktet. Retten kan likevel ta omsyn til pårekelege endringar i arealbruken, dei investeringane dette fører med seg, og investeringar som er nødvendige for å halde jordskiftet. Verdsetjinga er viktig for vurderinga av om jordskiftet er tenleg, jf. gjeldande jordskiftelov § 3 bokstav a.

Sjølv om gjeldande jordskiftelov § 28 først og fremst er ei føresegn om verditilhøvet mellom eigedommane til partane før og etter jordskiftet, ligg det òg nokre føringar om verdsetjing i paragrafen. Hovudregelen i gjeldande jordskiftelov § 28 første ledd seier at kvar eigedom skal få att tilsvarende den grunnverdien den gir frå seg. Dette kravet om ekvivalering av grunnverdien seier ikkje noko om verdsetjinga i seg sjølv.

Gjeldande jordskiftelov § 28 andre ledd inneheld særreglar for jordskifte i skog. Her er det opna for at verdien av standskogen kan bli drege inn i skiftegrunnlaget. Da må standskogen verdsetjast slik at verdien av han kan supplere grunnverdien. Det er òg opna for å halde jordskifte for skog på grunnlag av samla bruksverdi. Da må fastsetjinga av samla bruksverdi gjerast på ein måte som kjem vilkåra for jordskifte i møte.

Ut over dette inneheld gjeldande jordskiftelov § 28 tredje og fjerde ledd reglar som har innverknad på verdsetjinga i saker etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstavane h og i. I slike tilfelle skal verdsetjinga skje slik at kvar eigedom får sin del av verdiauken. Fjerde ledd fastset at ved sak etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav h skal verdsetjinga skje på bakgrunn av dei eigenskapane eigdommen har til utbyggingsformål. Ved byte etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav i, skal verdsetjinga byggje på den verdiauken som bruken av verkemidla i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstavane a til g gir. Reglane i tredje og fjerde ledd er drøfta i samband med føresegnene om fordeling av planskapt netto verdiauke, sjå kapittel 8.29.3.3.

#### 8.19.3.2 Behovet for endring

Jordskifte har tidlegare vore brukt på landbruks-eigedom. Dei fleste eigedommane blei da brukte

på omlag same måten, og eigarane hadde nokså samanfallande interesser for framtidig bruk. Dette har endra seg. I 2006 blei jordskiftelova endra slik at jordskifte kunne gjelde alle slag eigedommar om ikkje anna følgde av jordskiftelova eller andre lover, sjå ordlyden i gjeldande jordskiftelov § 1 a. Endringa i verkeområdet for lova gjer at eigarar og bruksrettshavarar truleg i mindre grad enn tidlegare vil ha samanfallande interesser for bruk av eigedommane. Dette gir utfordringar for verdsetjing i samband med jordskifte.

Gjeldande reglar om verdsetjing har blitt til i ei tid da jordskiftelova skulle løyse utenlege tilhøve i landbruket. Det er gjort endringar i reglane slik at dei inneheld detaljerte reglar for skog. Seinare er det gjort tilføyningar som er meint å fange opp behovet da jordskifte med lovendringa i 2006 skulle gjelde i heile landet.

Departementet meiner det er behov for å tilpasse reglane betre til saksområdet den nye jordskiftelova vil gjelde for. Dette kan sikre at verdsetjinga betre reflekterer verdien av eigdommen eller bruksretten anten saka gjeld tomter i bynære strok eller tradisjonelle landbruksareal. Det er samstundes behov for å gjere verdsetjingsreglane så enkle som råd. Etter departementets syn kan det gjerast endringar utan at dette fører til dårlegare rettstryggleik for partane i saka.

#### 8.19.3.3 *Oppbygging av reglar i ny jordskiftelov*

Departementet foreslår to reglar om verdsetjing ved jordskifte. Den eine regelen tek for seg kva jordskifteretten skal verdsetje, sjå lovforslaget § 3-14. Den andre regelen gjeld korleis jordskifteretten skal verdsetje, jf. lovforslaget § 3-15.

#### 8.19.3.4 *Kva jordskifteretten skal verdsetje*

Departementet meiner at utgangspunktet for lova bør vere at det er retten som bestemmer om grunn, bygningar eller rettar skal verdsetjast. Retten må meine at verdsetjing er nødvendig for å bøte på dei utenlege tilhøva som partane har teke opp i jordskiftet. Vurderinga har samanheng med det kravet som er reist, og den jordskifteløysinga jordskifteretten meiner er aktuell. Vurderinga må òg sjåast i lys av lovforslaget § 3-16 der det går fram at jordskifteløysinga ikkje skal gå lenger enn det som er nødvendig etter kravet.

Gjeldande jordskiftelov § 19 andre ledd seier at jordskifteretten alltid skal verdsetje det som går i byte. Departementet meiner at ny jordskiftelov òg bør ha ein slik regel. Dette går fram av lovforslaget § 3-14 første punktum.

Etter lovforslaget §§ 3-20 andre ledd, 3-21, 3-25 og 3-26 kan jordskifteretten fastsetje vederlag i pengar eller anna. I slike høve meiner departementet at jordskifteretten alltid må verdsetje vederlaget særskilt. Ved vederlag i pengar er det ikkje snakk om å byte relative verdiar slik DA peiker på i høyringsuttalen sin. Dette gjer det nødvendig med ei særskilt verdsetjing. Regelen går fram av lovforslaget § 3-14 andre ledd. Regelen i andre ledd er truleg ikkje heilt nødvendig å ta inn i lova. Jordskifterettane vil forstå at verdsetjing trengst i slike høve. Forslaget om å ta inn føresegna bygging på at det av omsyn til dei interessene partane har, er ønskeleg at lova gir informasjon om at det skal verdsetjast. Departementet peiker på at det er mange sjølvprosederande partar i jordskiftesaker.

#### 8.19.3.5 *Korleis jordskifteretten skal verdsetje*

Departementet er samd med DA i at det er nok at det relative verditilhøvet mellom verdiane som går i byte, blir rett i eit jordskifte. Formåla for verdsetjing er såleis ikkje dei same som ved verdsetjing som skal føre fram til ein erstatningssum i samband med ekspropriasjon. Det sentrale er å verdsetje slik at byteareala kan samanliknast.

I gjeldande jordskiftelov og i høyringsnotatet er det brukt ei rekkje omgrep og tilnærmingar for å få fram korleis verdsetjinga skal gjerast ved jordskifte. I gjeldande jordskiftelov § 28 er omgrepa grunnverdi og bruksverdi brukt. Dette er omgrep som kan gi inntrykk av at jordskifteretten har ei oppgaveportefølje som berre er knytt til landbrukseigedom.

Ingen av høyringsinstansane som uttaler seg om forslaga til verdsetjing i høyringsnotatet sluttar seg til høyringsforslaga. Departementet har såleis merka seg mellom anna uttalane frå DA, Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme og Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap. Nokre høyringsinstansar foreslår å behalde den gjeldande verdsetjingsmåten, medan andre foreslår endringar. Departementet legg vekt på innvendingane, og er samd i at høyringsforslaget § 3-17 ikkje er brukande. Formuleringane «*aktuell*» og «*potensiell*» verdi har ikkje eit så klart innhald som nødvendig, noko som kan føre til unødig prosess om innhaldet i verdsetjinga. Det same gjeld omgrepet «*arealverdi*».

Etter departementets syn må ein da anten bygge på gjeldande jordskiftelov, finne nye betre verdsetjingsmåtar, eller gjere den nye lova meir open enn i dag slik at jordskifteretten sjølv etter ei

konkret vurdering av det bytet saka gjeld, kan finne fram til verdsmål og prinsipp som er eigna. Departementet er samd med jordskiftedommarane i Gulating i at verdsetjinga kan variere mykje frå sakstype til sakstype, truleg òg frå sak til sak. Departementet meiner som Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap at verdsetjinga bør ta utgangspunkt i dei interessene eigarane har slik eigedommen er, og slik eigedommen pårekeleg vil bli etter jordskifteløysinga. Departementet er dessutan samd i at eventuelle nye, betre verdsetjingsmåtar må utformast med grunnlag i eit mykje grundigare arbeid enn det som blei gjort i høyringsnotatet. Mandatet for arbeidsgruppa la ikkje til rette for ein slik gjennomgang.

Med dette som bakgrunn foreslår departementet at løysinga bør vere at den nye jordskiftelova som gjeldande jordskiftelov § 28 byggjer på at jordskifteretten skal verdsetje slik at kvar eigedom får att tilsvarende den grunnverdien som han gir frå seg. I lovforslaget § 3-15 første ledd er det såleis lagt til grunn at jordskifteretten skal verdsetje det som går i byte ut frå pårekeleg bruk. Dersom det for eksempel er pårekeleg at bruken vil endrast, må jordskifteretten ta omsyn til dette. Forslaget løyser ei rekkje innvendingar frå høyringsinstansane som gjeld bruk av forskjellige meir eller mindre vel definerte omgrep i høyringsforslaget § 3-17. Forslaget legg elles til rette for at jordskifterettane kan byggje på praksis etter gjeldande jordskiftelov.

Etablering av felles tiltak eller pålegg om felles investeringar krev ei anna tilnærming ved verdsetjinga. I slike høve meiner departementet at arealbruken som ligg til grunn for verdsetjinga, bør samsvare med føresetnaden om felles tiltak og felles investeringar. Dette vil òg vere omfatta av kva som kan reknast som pårekeleg bruk.

Jordskiftedommarane i Gulating, jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme og Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap er alle inne på at retten bør få eit meir fleksibelt utgangspunkt ved verdsetjing enn i gjeldande jordskiftelov. Departementet foreslår ikkje at avløyning og omskipling av servituttar etter servituttløva skal bli verkemiddel i jordskifte slik forslaget er i høyringsnotatet. I jordskifte vil det framleis vere hovudregelen at jordskifteløysinga går ut på å byte grunn mot grunn, bruksrett mot bruksrett og grunn mot bruksrett. Sjå lovforslaget § 3-20 første ledd. Behovet for å gjere opp jordskiftet i pengar er såleis ikkje større med dei løysingane departementet foreslår i ny lov enn behovet er etter gjeldande jordskiftelov.

Jordskifte kan etter gjeldande jordskiftelov og etter forslaget til ny jordskiftelov gjennomførast for alle typar eigedommar. Eigarar og bruksretts-havarar bruker ikkje nødvendigvis eigedommane sine på same måten, og dei har heller ikkje dei same interessene i kva eigedommen skal brukast til i framtida. I eit tilfelle vil for eksempel eigaren av landbrukseigedom bruke han til landbruksformål sjølv, ein annan eigar vil bruke eigedommen sin som buplass og leige ut jordbruksareala, medan ein tredje eigar vil bruke eigedommen til ferie- og fritidsformål. Verdien av eigedommen for den enkelte vil da variere sjølv om ressursgrunnlag for eigedommane er nokonlunde like. Gjeld saka eigedommar i urbane strok, kan skilnadene vere enda større. Departementet ser at dette kan brukast som argument for ei anna tilnærming til verdsetjinga. Etter departementets syn vil det likevel vere uheldig dersom verdsetjingsprinsippa opnar for subjektive vurderingar som for eksempel tilknytning til eigedommen og slektskjensle. Ei slik løysing kan i større grad enn gjeldande løysing opne for prosessar knytt til verdsetjing. Departementet ser ikkje heilt at ei slik løysing har ein meirverdi for partane i høve til løysinga i dag. Etter departementets syn bør vurderinga av kva som er ei tenleg jordskifteløysing, ta høgde for at partane kan ha ulike interesser. Det er difor ei sentral oppgåve for jordskifteretten å få klart fram kva for interesser kvar enkelt part har i eigedommen. Dette bør ikkje gjerast til eit spørsmål om verdsetjing, men om kva som er ei tenleg jordskifteløysing. At jordskifteretten har ei plikt til å klargjere grunnlaget for avgjerda følgjer elles av lovforslaget § 3-13.

Departementet meiner at det ut frå omsynet til rettstryggleik er nødvendig å lovfeste andre generelle krav til verdsetjinga. Departementet foreslår ei plikt for jordskifteretten til å gjere greie for dei valde føresetnadene for verdsetjinga. Dette må gjerast på ein slik måte at partane kan forstå kva retten har lagt vekt på. Departementet meiner òg at det må vere mogleg å prøve verdsetjinga. Partane og ein eventuell ankeinstans skal kunne forstå kvifor retten har valt eit bestemt verdsmål. Dei skal òg kunne forstå korleis retten har gjennomført verdsetjinga. Departementet foreslår difor i lovforslaget § 6-23 fjerde ledd bokstav b at verdsetjing er ei jordskifteavgjerd og at avgjerda må tilfredstille vilkåra i lovforslaget § 6-24. Departementet viser elles til merknadene til lovforslaget §§ 6-23 og 6-24. Departementet foreslår dessutan at verdsetjinga skal kunne etterprøvast, sjå lovforslaget § 8-1 tredje ledd.

Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap foreslår at lova eller forarbeida klargjer korleis jordskifteretten skal tenke ved byter. Med den løysinga departementet har kome fram til når det gjeld regel om verdsetjing, meiner departementet at det er betre å innarbeide slik rettleiing i informasjonsmateriell som jordskifteretten kan bruke overfor partane.

Høyringsforslaget byggjer på at verdsetjing er ei jordskifteavgjerd etter høyringsforslaget § 6-19. Etter høyringsforslaget § 3-17 kan avgjerda om verdsetjing difor omgjerast om det ligg føre særlege grunnar. Etter lovforslaget vil òg verdsetjinga vere ei jordskifteavgjerd. Sjå lovforslaget § 6-23 fjerde ledd bokstav b. Verdsetjinga bør likevel kunne endrast undervegs i saka dersom det er behov for endringar. Det er såleis behov for ein eigen regel om at verdsetjinga kan endrast undervegs i saka. Ein slik regel går fram av lovforslaget § 6-25.

Lovforslaget § 3-15 fører vidare heimelen i gjeldande jordskiftelov § 28 andre ledd for å trekkje verdien av standskog inn i grunnlaget for jordskiftet, men departementet foreslår ei endring i heimelen. Gjeldande jordskiftelov § 28 andre ledd seier at ein anten kan trekkje standskogen inn i skiftegrunnlaget eller ein kan skifte på grunnlag av samla bruksverdi. I praksis er det oppfatta som noko uklart kva som er meint med alternativet «samla bruksverdi». Mange har oppfatta det som summen av grunn-, vente- og slakteverdi. Sett i lys av førearbeida er problemstillinga meir partiell verdsetjing og marginal bruksverdi kontra total bruksverdi basert på balansekvantum. Departementet meiner at det er grunn til å gjere heimelen klarare, og at heimelen for verdsetjing i skog dessutan bør vere meir open enn i gjeldande jordskiftelov. Departementet foreslår såleis å sløyfe alternativet «samla bruksverdi», men behalde alternativet som gir jordskifteretten heimel for å trekkje inn standskogen i skiftegrunnlaget. Vurderingane som må gjerast ved verdsetjing av skog er samansette. Departementet viser til at jordskifterettane har hatt ein eigen fagkonsulent på jordskifte i skog i om lag 50 år. På den måten er det utvikla spesialtilpassa opplegg, dataprogram og kompetanse. Regelen om verdsetjing må leggje til rette for at det er opp til jordskifteretten sjølv å vurdere om momenta er relevante, mellom anna i lys av det synet partane har på verdsetjinga. Løysinga går fram av lovforslaget § 3-15 andre ledd. Departementet meiner at løysinga er i samsvar med høyringsuttalane til jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme og Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap.

Begge høyringsuttalane viser til at det er fleire moment som bør dragast inn i vurderingane knytt til byte av skogsareal, enn dei som går fram av lova i dag.

Nokre moment er vanlege å trekkje inn ved byte av skogareal. Storleiken på arealet er eit moment som òg kan ha verknad i høve til utmarksnæring. For skogeigarar kan det vere viktig å kunne halde eit jamt hogstvolum etter jordskiftet. Dette momentet inneber at aldersfordelinga på ståande skog (hogstklassefordelinga) ikkje må endrast på vesentleg måte ved byte av skogsareal. Vilåret i lovforslaget §§ 3-18 og 3-19 om at ingen part eller tredjemann skal li tap, får verknad for endringar i bonitet og langsiktig økonomisk avkasting av eigedommane målt i for eksempel bruksverdi. Skogfaglege vurderingar vil kunne variere med kor stor del av skogsarealet til eigedommane som byter eigar ved eit jordskifte. Ved byte av etter måten små skogareal, vil vurderingar basert på marginale verdiar, kunne vere aktuelle. Ved byte av store skogareal, må vurderingane gå på dei samla verknadene av arealstorleik, hogstklassefordeling, bonitet og bruksverdi av grunnen. Dersom byte av skogareal fører til at det ikkje blir balanse i kor mykje skog (tre) som skiftar eigar, må dette gjerast opp. Etter gjeldande jordskiftelov kan det skje ved hogst, oppgjer i pengar eller ved at ståande skog blir trekt inn i verdien av grunnen. Det kan ut over dette vere aktuelt å byte skogareal mot anna areal. Da må retten finne fram til dei faktorane som er viktige for å sikre at vilkåra i lova er oppfylte, samtidig som bytet av skogareal mot anna areal bøter på dei utenlege eigedomstilhøva i jordskiftet.

## 8.20 Jordskifteløysinga, lovforslaget kapittel 3 del IV

Departementet har samla føresegner som gjeld korleis jordskifteløysinga skal vere, i del IV i lovforslaget kapittel 3. Sjølv om jordskifteretten står fritt til å velje bruk av verkemiddel i jordskifte etter lovforslaget kapittel 3 del II §§ 3-4 til 3-12, er det grenser for kva jordskifteløysinga kan gå ut på. Det er reglar om slike grenser som er samla i lovforslaget kapittel 3 del IV. Samlinga av paragrafar omfattar for eksempel sentrale vilkår for jordskifteløysinga og reglar om korleis jordskifteretten legg ut grunn og bruksrett. Samlinga omfattar nokre reglar som har meir karakter av å føre vidare ein del detaljar som finst i gjeldande jordskiftelov.

## 8.21 Kva jordskifteløysinga kan gå ut på

### 8.21.1 Høyringsforslaget

Høyringsforslaget inneheld ingen regel om at jordskifteløysinga ikkje kan gå ut over det som er nødvendig ut frå kravet.

### 8.21.2 Høyringsinstansane

Høyringsinstansane tek i liten grad opp problemstillinga. Sjå omtale i kapittel 8.8.2 knytt til utenleige eigedomstilhøve, og kapittel 8.4.2 som gjeld jordskifte og disposisjonsprinsippet.

### 8.21.3 Departementets vurderingar

Det går fram av gjeldande jordskiftelov § 26 at jordskifteretten skal endre eigedoms- og brukstilhøva ved ny eigedomsutforming, sams tiltak, ordning av bruk og sambruk og avløysing eller ordning av bruksrettar, så langt han meiner det er nødvendig etter kravet.

Etter lovforslaget § 3-2 andre ledd kan jordskifteretten ikkje gjere endringar som byggjer på andre tilhøve enn dei utenleige eigedomstilhøva som partane har teke opp i jordskiftet. Sjå drøftinga av denne regelen i kapittel 8.8.3.

Det går samtidig fram av lovforslaget § 3-1 første ledd første punktum at jordskifteretten kan bruke verkemidla i lovforslaget §§ 3-4 til 3-10 for å bøte på det partane har teke opp som utenleige eigedomstilhøve slik det går fram av lovforslaget § 3-2. Jordskifteretten har såleis stor fridom til å fastsetje ei jordskifteløysing sjølv om partane ikkje konkret har sett for seg eit slikt resultat da kravet blei reist. Omsynet til rettstryggleiken taler difor for å føre vidare føresegna i gjeldande jordskiftelov § 26 om at jordskifteretten berre skal gjere endringar så langt han meiner det er nødvendig etter kravet i ei eller anna form. Dette er ikkje berre spørsmål om å halde seg til kravet partane har sett fram, jf. formuleringa i lovforslaget § 3-2 andre ledd. Det er dessutan slik at jordskifteløysinga heller ikkje på andre punkt bør gå lenger enn det som er nødvendig for å bøte på dei utenleige tilhøva som partane tek opp i jordskiftet. Forslaget til føresegn går fram av lovforslaget § 3-16.

## 8.22 Føresegner og løyve

### 8.22.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-19 tredje ledd at jordskifteløysinga ikkje skal kunne

vere i strid med bindande føresegner om arealbruk i jordskifteområdet, og at nødvendige løyve må liggje føre. Forslaget er i hovudsak meint å føre vidare gjeldande jordskiftelov § 20 a som har eit rekkefølgjekrav. Rekkjefølgjekravet inneber at når ein skifteplan må grunnast på offentlege vedtak, må slike vedtak liggje føre når retten treff avgjerd om skifteplanen. Forslaget gjer det samtidig tydeleg at jordskifteretten ikkje har kompetanse til å endre bindande føresegner om arealbruken.

### 8.22.2 Høyringsinstansane

*Miljøverndepartementet* sluttar seg til forslaget, men finn det likevel viktig å slå fast at areal(plan)vedtak og løyver frå forvaltinga må følgjast av jordskifteretten og partane i ei jordskiftesak. Miljøverndepartementet viser til at tilhøvet mellom forvalting og jordskifte ikkje skal endrast prinsipielt i høve til gjeldande jordskiftelov. Miljøverndepartementet uttaler at innhaldet i høyringsforslaget § 3-19 tredje ledd er uttrykk for eit grunnleggjande prinsipp om at arealforvaltingsvedtak må følgjast, og at (nødvendige) løyve må vere gitt før jordskiftet blir avgjort.

*Domstoladministrasjonen (DA)* viser til at høyringsforslaget § 3-19 er ein saksbehandlingsregel, som bør flyttast til kapittel 6.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* viser til at mange tiltak kan krevje både privatrettslege og offentlegrettslege avklaringar. Det bør ikkje vere ein bindande regel om at dei offentlegrettslege avklaringane skal vere til stades først eller sist i eit jordskifte. Det bør heller ikkje vere nokon regel om at dei privatrettslege avklaringane skal vere til stades først eller sist. Nokre gonger må avklaringane skje parallelt, andre gonger er det naturleg at jordskiftesaka blir avslutta først, men med eit atterhald om at det blir gitt nødvendige løyve. Atter nokre gonger vil det vere naturleg at forvaltingsvedtaket kjem før avslutninga av jordskiftesaka. Jordskifterettane foreslår slik lovtekst i saksbehandlingskapitlet om dette:

«Løyve som er ein føresetnad for å oppfylle § 3-3 første ledd, må være gitt før saken blir avslutta.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* foreslår at tredje ledd siste punktum blir utforma slik at når offentlig løyve er ein føresetnad for jordskifteløysinga, skal løyvet liggje føre før jordskifteavgjerd kan takast.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* stiller spørsmål ved om ordet «jordskifteløysing» er det same som «jordskifteavgjerd». Jordskifterettane meiner at bruken av omgrep er uklar.

### 8.22.3 Departementets vurderingar

Regelen i gjeldande jordskiftelov § 20 a blei skilt ut frå § 20 i 1998. Før den tid var innhaldet i regelen ei plikt for jordskifterettane til å samrå seg med forvaltinga. I nokre tilfelle var jordskifteretten kompetent til å gjere endringar i eigedoms- og bruksrettshøve, men skifteplanen ville få konsekvensar for vedtak forvaltinga skulle gjere. I andre tilfelle var det forvaltinga som kunne bestemme noko som ville få følgjer for skifteplanen. Jordskifteretten skulle ta omsyn til uttale frå forvaltinga. Endringa i 1998 førte til at det i lova i dag i staden for denne samråinga, er eit krav om rekkefølgje. Det går fram av gjeldande jordskiftelov § 20 a at om ein skifteplan må grunnast på offentlege vedtak, må slike vedtak liggje føre når retten treff avgjerd om skifteplanen. I tillegg går det fram av gjeldande jordskiftelov § 41 at jordskifteretten framleis skal ta omsyn til plan etter plan- og bygningslova.

Departementet er samd med Miljøverndepartementet i at det ikkje er grunn til å endre gjeldande skilje mellom forvalting og jordskifte. Fleire høyringsuttalar tyder på at rollefordelinga mellom forvaltinga og jordskifteretten òg etter endringa i 1998 kan framstå som uklar for mange. Departementet meiner dette viser at det er behov for å gjere rollefordelinga i lova klarare enn i dag. Departementet foreslår difor, som arbeidsgruppa, ein regel om at jordskifteløysingar ikkje kan vere i strid med bindande føresegner om arealbruk i jordskifteområdet. Sjå lovforslaget § 3-17 første ledd. Departementet meiner at ein slik paragraf gjer rollefordelinga klarare. Departementet foreslår ikkje å føre vidare gjeldande jordskiftelov § 41 om at jordskifteretten skal ta omsyn til plan etter plan- og bygningslova i ny jordskiftelov. Synet kommunen har på arealbruk og utbygging er sentrale faktiske tilhøve som skal leggjast til grunn når jordskifteretten tek stilling til jordskifteløysinga. Det bør ikkje vere oppgåva til jordskifteretten, etter eiga vurdering, å ta omsyn til ein plan etter plan- og bygningslova.

Regelen i gjeldande jordskiftelov § 20 a om at nødvendige løyve skal liggje føre når retten treff avgjerd om skifteplanen, kan reknast som ein saksbehandlingsregel. Dette har fleire høyringsinstansar vore inne på. Regelen har likevel òg eit materielt innhald som skranke for kva jordskifte-

løysinga kan gå ut på. Departementet meiner at tilhøvet mellom forvaltinga og jordskifteretten som domstol blir tydelegare dersom denne skranken blir ført vidare i ny jordskiftelov. Sjå lovforslaget § 3-17 andre ledd første punktum som fastsett at nødvendige offentlege løyve skal liggje føre når jordskifteretten treff avgjerd om den endelege jordskifteløysinga.

I denne samanhengen taler òg omsynet til rettstryggleik for ei rekkefølgje. Om ikkje løyvet ligg føre før jordskifteretten treff avgjerd om den endelege jordskifteløysinga, er det risiko for at jordskifteavgjerda blir ei privatrettsleg bindande avgjerd mellom partane om noko som ikkje kan setjast i verk. Departementet foreslår å halde fast på kravet om rekkefølgje som eit materielt krav til jordskifteløysinga. Departementet gjer dette sjølv om det kan vere nødvendig å avklare det privatrettslege og det offentlegrettslege samtidig i eit jordskifte, og sjølv om det kan vere praktisk for jordskifteretten å fjerne kravet om rekkefølge slik dette er teke opp i høyringsuttalen frå jordskifterettane i Agder jordskiftedømme. Departementet meiner at omsynet til rettstryggleiken taler for løysinga, og at det er mogleg for jordskifteretten å ta høgde for rekkefølgja i planen for framdrift i jordskiftesaka og ved den konkrete utforminga av jordskifteavgjerda.

Departementet er samd med jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme i at ein kan bruke omgrep som er betre enn i høyringsforslaget. I lovforslaget § 3-17 andre ledd bruker departementet difor formuleringa «avgjerd om den endelege jordskifteløysinga».

Departementet foreslår ut over dette ein ny regel som gir jordskifteretten heimel for å søkje dei løyva som trengst for å setje i verk jordskiftet. Departementet meiner at utgangspunktet må vere at partane sjølv søker slike løyve. Der dette ikkje er tenleg, bør jordskifteretten likevel, som etter gjeldande praksis, ha ein heimel for å fremje slike søknader på vegner av partane, sjå lovforslaget § 3-17 andre ledd andre punktum. Departementet er merksam på at jordskifteretten ikkje har ansvarsrett etter plan- og bygningslova, slik at retten ikkje kan søkje alle slag løyve.

## 8.23 Vern mot tap

### 8.23.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-2 å innføre eit krav om at eit jordskifte skal føre til ein samla netto nytte. I tillegg foreslår arbeidsgruppa i høyringsforslaget § 3-3 første ledd at jordskiftet

ikkje skal kunne gjennomførast dersom kostnadene og ulempene blir større enn nytten for kvar enkelt eigedom.

### 8.23.2 Høyringsinstansane

Synet høyringsinstansane har på forslaget om at eit jordskifte skal føre til samla netto nytte blir referert kapittel 8.9.2.

*Sør-Trøndelag jordskifterett* foreslår å samordne betre høyringsforslaget §§ 3-2 og 3-3. Dei uttaler:

«Som sjølstendig paragraf virker § 3-2 nødvendig siden det etter § 3-3 er krav om at hver eiendom skal ha netto nytte. Når kravet etter § 3-3 er oppfylt er også kravet etter § 3-2 oppfylt. Det kan også være uklart om § 3-2 mener at ulemper skal regnes med som kostnadspost. Ulemper er nevnt i § 3-3. Paragrafene bør difor omskrives og samordnes.» I § 3-1 og § 3-3 må uttrykket «bli gjennomført» endres til «gjennomførast». Konklusjon: – § 3-1, første ledd strykes. – § 3-2 og § 3-3 samordnes.»

Ingen av høyringsinstansane går mot å føre vidare garantien mot at ein eigedom ikkje skal reduserast i verdi. Det er likevel fleire høyringsinstansar som kommenterer høyringsforslaget § 3-3 første ledd.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler dette om formuleringa «nytte»:

«Det gis i utkastet inntrykk av at nytte kun er koblet til økonomisk nytte. Vi mener dette er uheldig, selv om nytten ofte vil være koblet opp mot økonomi. For eksempel vil nytten i en vegsak (organisering av vedlikehold) ofte gi marginale økonomiske gevinster i form av verdistigning for den enkelte eiendom. Nyttan vil være å få klarlagt den enkeltes rettigheter og plikter. Utkastet er inne på dette på side 143 under bokstavpunkt e). Det vises til kommentarutgaven til Austenå/Øvstedal (2000) s 46 pkt. 2. Her beskrives økonomiske sider ved nytte, men også at nytten kan være av juridisk, sosial, estetisk og etisk karakter. Vi mener at det må tydeliggjøres at nytte ikke bare gjelder økonomisk nytte. Dette må stå klart i forarbeidene og det bør vurderes i forhold til ordlyden i lovteksten. Vi mener at andre ledd bør utgå. Det bør ikke stilles spesielle krav til fordeling av nytte i urbane områder. Dette må jordskifteretten vurdere skjønsmessig som i alle andre jordskiftesaker. Det vil være arbeidskrevende

og vanskelig å tallfeste nytten. Vi kan ikke se at det er grunner for å ha særregler for nyttefordelingen i urbane områder.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme og jordskifteoverdommarane* peiker på at det i eit jordskifte kan vere vanskeleg å sikre at kvar part får eit lovsikra krav på ein matematisk del av nytten. Dei er òg opptekne av kva som er skjeringspunktet for denne vurderinga. Dei uttaler:

«Problemet med regelen som er foreslått i andre ledd er at kvar part får eit lovsikra krav på ein matematisk del av nytta. Det medfører at nytta må identifiserast og estimerast i kvart enkelt tilfelle, før ein kan føre rekneskap som viser fordelinga av den. Dette vil krevje ei vesentleg vidareutvikling av den metode ein så langt har nytta ved jordskifte. Vi kan heller ikkje sjå vekk frå at eit slikt krav vil føre til ein stor ressursbruk i å dokumentere nytta av eit jordskifte. I § 3-4 er det stilt krav til nyttevurderinga. Etter vårt syn er § 3-3 slik utforma at det utan vidare må vere klart at eit jordskifte ikkje kan avsluttast med ei jordskifteavgjerd som ikke fyller vilkåret i § 3-3. Spørsmålet er om ordet «gjennomført» i § 3-3 er presist nok. Enkelte kan nok tolke dette slik at avgjerd fastsett i jordskifte ikkje kan gjennomførast, t.d. nokre år etter at jordskiftet er avslutta. Vi foreslår «gjennomført» erstatta av t.d. «avslutta» eller «vedteke». Det sentrale må likevel vere å etablere avslutningsdatoen for jordskiftesaka, som skjeringspunkt for vurdering av vilkåret i § 3-3.»

### 8.23.3 Departementets vurderingar

#### 8.23.3.1 Gjeldande reglar

Gjeldande jordskiftelov § 3 bokstav a seier at jordskifte ikkje kan fremjast dersom kostnadene og ulempene blir større enn nytten for kvar enkelt eigedom. Regelen sikrar rettstryggleiken i eit jordskifte. Vurderinga er knytt til kvar enkelt eigedom som ei driftseining. Vurderinga er ikkje knytt til personen som eig driftseininga, ein tredjemann som har interesse av eigdommen, eller samfunnsinteressene generelt.

Regelen fører i praksis òg til at det er ei grense for kor det i eit jordskifte er mogleg å bruke vederlag i form av pengar eller andre verdier. Dette blir omtala i ulike samanhengar. I RG 1988 side 488 går det for eksempel fram at rettsvernet i gjel-

dande jordskiftelov § 3 bokstav a vil miste meining om det vil vere mogleg å bruke pengar som vederlag for ulemper. Lagmannsretten uttaler om dette:

«Det vil alltid være mulig å gi vederlag i penger. Man er i så fall kommet over i en situasjon som ligger meget nær opp til ekspropriasjon og som det må kreves en uttrykkelig hjemmel for.»

Gjeldande jordskiftelov har ut over § 3 bokstav a ei rekkje andre, meir detaljerte, føresegner som set grenser for kva jordskifteløysinga kan gå ut på. Det går for eksempel fram av gjeldande jordskiftelov § 29 andre ledd andre punktum at ein eigar kan krevje at eigedommen hans må utformast for bortleigeformål i landbruksnæring. Meiner jordskifteretten at grunn og rettar i skiftefeltet kan få utnytting som gir stor verdiauke, bør eigedommen eller bruksretten etter gjeldande jordskiftelov § 31 første punktum ikkje skifte eigar utan at det er nødvendig for eit tenleg skifte. Det følgjer av gjeldande jordskiftelov § 51 andre ledd at jord ikkje må brukast som vederlag på ein slik måte at framgangsvilkåra for nokon eigedom minkar monaleg. Etter gjeldande jordskiftelov § 56 første ledd andre punktum er det lagt til grunn at jordskifteretten fastset utjamningsmåten i samband med overføring av brenntorv og strøtorv. Retten kan likevel ikkje påby at nokon skal gi frå seg meir torv enn han får att dersom skilnaden har noko avgjerande å seie for eigedommen hans.

#### 8.23.3.2 Behovet for reglar om vern mot tap

I lovforslaget kapittel 3 del II (Verkemiddel) og III (Grunnlaget for jordskifteløysinga) foreslår departementet at kompetansen jordskifteretten skal ha etter ny lov skal forankrast i reglar som er meir generelle enn reglane er i dag. Departementet meiner at desse forslaga samla gjer at reglar som sikrar rettstryggleiken blir svært viktige i ny jordskiftelov. Forslaga til endringar i ankeordning og reglane om saksbehandling er eksempel på reglar som sikrar rettstryggleiken. Endringsforslaga er eksempel på at rettstryggleiken blir styrka gjennom lovforslaget.

Ut over dette meiner departementet det på same måten som i gjeldande jordskiftelov § 3 bokstav a må gå tydeleg fram av den nye jordskiftelova at den eigedommen som tek del i eit jordskifte ikkje kan dragast inn i ei jordskiftesak dersom kostnadene og ulempene er større enn nytten for nokon eigedom. Som det er peikt på i sitatet frå RG 1988 side 488 over, er dette ein regel som blant anna gjer at jordskifte ikkje kan saman-

liknast med ekspropriasjon. Departementet meiner at det ikkje er nok for å sikre rettstryggleiken i eit jordskifte at jordskifteløysinga etter lovforslaget § 3-3 skal føre til meir tenlege eigedomstilhøve i jordskifteområdet. Ein slik regel tek ikkje på same måten omsyn til korleis jordskifteløysinga vil slå ut i høve til kvar enkelt eigedom eller bruksrett.

Departementet foreslår i kapittel 12.5 ikkje å føre vidare vedtaket om fremjing i gjeldande lov. Innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 3 a blir såleis ikkje ført vidare som eit vilkår for å fremje sak. Omsyna som ligg til grunn for gjeldande jordskiftelov § 3 a bør da innarbeidast som eit krav til jordskifteløysinga.

#### 8.23.3.3 Vern mot tap gjeld for eigedom eller bruksrett

Departementet meiner at vernet bør byggje på regelen i gjeldande jordskiftelov § 3 bokstav a og gjelde eigedommen. Høyringsforslaget byggjer òg på denne tilnærminga. Forslaget har samanheng med formålet med ny jordskiftelov, sjå lovforslaget § 1-1. Formålet er at lova blant anna skal leggje til rette for effektiv og rasjonell utnytting av fast eigedom til beste for eigarane, rettshavarane og samfunnet. Lova tek såleis utgangspunkt i korleis den faste eigedommen skal brukast. Formålet tilseier at det, på same måten som etter gjeldande jordskiftelov, bør vere eigedommen eller bruksretten som skal ha eit vern, ikkje eigaren, bruksrettsshavaren eller ein panthavar. Forslaget går fram av lovforslaget § 3-18.

Når det er eigedommen som skal givast eit vern etter lova, tek jordskifteretten ved vurderinga av om eigedommen «taper» utgangspunkt i kva eigedommen etter ei objektiv vurdering er eigna til, og kva han skal brukast til framover. Vurderinga kan blant anna ta omsyn til at partane kan ha ulike motiv for å eige, bruke og utvikle eigedommen eller bruksretten. Kva som er eit tap for eigedommen eller bruksretten, må sjåast i lys av kva som blir teke opp som utenleige eigedomstilhøve, og kva for interesser eigaren eller bruksrettsshavaren undervegs i saka gir til kjenne for bruken av eigedommen.

Løysinga i gjeldande jordskiftelov, med ei rekkje detaljerte føresegner som vernar særlege interesser, er etter departementets syn ikkje eigna til å fange opp alle dei ulike tilhøva som kan gjere seg gjeldande. Departementet foreslår difor at dei detaljerte føresegnene skal avløysast av ein generell regel for jordskifteløysinga. Sjølv om lovforslaget byggjer på ein slik generell regel, er det ikkje



meininga at dette skal føre til eit svakare vern mot tap. Dei ulike situasjonane som er nemnde i gjeldande føresegner, er blant anna av den grunn kommentert i spesialmerknadene som eksempel på kva regelen i lovforslaget går ut på. Omtalen går fram av spesialmerknaden til lovforslaget § 3-18.

Departementet foreslår at den generelle regelen skal byggje på ordlyden i gjeldande jordskiftelov § 3 bokstav a, og leggje til rette for å føre vidare praksis etter denne føresegna. Vernet bør såleis sikre at jordskifteløysinga ikkje fører til at kostnadene eller ulempene blir større enn nytten for nokon eigedom eller bruksrett. Departementet er såleis samd med jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme om at formuleringa «nytte» er meir enn økonomisk nytte. Departementet er òg samd med jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme og jordskifteoverdommarane i at det i eit jordskifte ikkje er eit sjølvstendig mål at kvar part får eit lov-sikra krav på ein matematisk del av nytten.

Tilhøvet til tredjemann krev ein eigen kommentar. Når lovforslaget gir eigedommen eller bruksretten eit vern, gir det òg vern for dei interessene som for eksempel ein panthavar eller ein leietakar har. Jordskifteretten må såleis vere merksam på at pantet eller bruksretten som eit utgangspunkt ikkje bør reduserast i verdi til skade for ein panthavar eller ein bruksrettshavar. I ein vanleg byteprosess for grunn eller bruksrett er faren for verdireduksjon for tredjemann sjeldan eit problem. For ein leigetakar kan det rett nok òg i slike situasjonar vere ulike moment som bør tilleggjast vekt ved avveginga av jordskifteløysinga. Departementet foreslår difor i lovforslaget § 3-24 å føre vidare gjeldande jordskiftelov § 32 som seier at om jordskifte har noko å seie for leigar eller annan som har liknande rett, skal jordskifteretten ordne høvet mellom han og eigaren om det trengst. I utforminga av jordskifteløysinga bør jordskifteretten ta omsyn til leigetilhøva i jordskifteområdet.

#### 8.23.3.4 Vern mot tap når jordskifteretten gir vederlag i pengar eller andre verdiar

Dersom vederlaget ved bytet heilt eller delvis blir fastsett i pengar eller andre verdiar, oppstår det særlege spørsmål knytt til om eigedommen eller bruksretten taper. Heimlane for oppgjer i pengar eller andre verdiar går fram av lovforslaget §§ 3-20 andre og tredje ledd (dersom det ikkje let seg gjere å byte om grunn mot grunn, eller dersom jordskifteretten bruker pengar for å kompensere

opparbeidingsgrad), 3-21 (dersom jordskifteløysinga fører til overføring av anlegg til vassforsyning og så vidare.), 3-25 (utjamning i samband med overføring av standskog) og 3-26 (dersom jordskifteløysinga fører til avløysing av rettar). Det kan såleis dukke opp i svært ulike jordskiftesaker.

Arbeidsgruppa foreslår å utvide heimelen til å gi vederlag i pengar. Forslaget byggjer blant anna på at departementet foreslår omskipling og avskipping av servituttar som verkemiddel i jordskifte. Departementet har ikkje noko tilsvarende forslag. Heimlane for å gi vederlag i pengar eller andre verdiar er nokonlunde dei same i lovforslaget som i gjeldande jordskiftelov. Lovforslaget byggjer på reglane i gjeldande jordskiftelov både når det gjeld moglegheita til å gi vederlag i pengar eller andre verdiar, og i ordlyden i den generelle heimelen som gir vern mot tap. Departementet meiner at det ikkje er nødvendig å gå nærare inn på dei særlege spørsmåla som kan oppstå i slike høve.

Departementet legg likevel til grunn at jordskifteretten må sjå til at det går fram i saka kven som er panthavarar eller bruksrettshavarar, og at dei må få slik orientering som er nødvendig for å ta vare på interessene sine. Ein bruksrettshavar er part i saka, og vil få oppmoding til å komme med sitt syn etter lovforslaget § 6-5, rett til å uttale seg etter lovforslaget § 6-8, og få forslag til jordskifteløysing lagt fram for uttale etter lovforslaget § 6-21. Tryggleiken for panthavar er ivareteken ved at pengevederlag ikkje kan utbetalast utan samtykke frå alle det gjeld. Panthavar vil såleis kunne krevje at vederlaget deponerast, sjå lov 17. februar 1939 nr. 2 om deponering i gjeldshøve som etter lovforslaget § 9-1 gjeld tilsvarende. Forslaget om dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 90. Løysingane gir samla tryggleik for å ta vare på interessene for panthavarar og andre som har rettar knytt til eigedommen.

#### 8.23.3.5 Skjeringsstidspunkt

Departementet er samd med jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme og jordskifteoverdommarane i at vurderinga av om nokon taper krev eit klart skjeringspunkt. I lovforslaget er skjeringspunktet knytt til jordskifteløysinga. Jordskifteretten må likevel vurdere spørsmålet om tap undervegs i saka dersom ein part tek opp spørsmålet, eller dersom jordskifteretten på annan måte blir merksam på at dei materielle vilkåra for å halde jordskifte ikkje er til stades. Drøftinga av å fjerne ved-

taket om fremjing etter gjeldande jordskiftelov § 3 bokstav a går fram av kapittel 12.5.3.

## 8.24 Byte av grunn, rettar og andre verdier i eit jordskifte

### 8.24.1 Innleiing

Arbeidsgruppa foreslår føresegner om ny utforming ved byte av grunn og alltidvarande bruksrettar. Forslaga er i tråd med gjeldande jordskiftelov. Føresegnene går fram av høyringsforslaget kapittel 3 del III Grunnlaget for og krav til utfallet av eit jordskifte. Dei mest sentrale paragrafane er § 3-21 Korleis areal og alltidvarande bruksrettar skal bytast, § 3-22 Byte av opparbeidd areal mot ikkje opparbeidd areal, § 3-23 Krav på bestemt areal, § 3-24 Avgrensing av byte og § 3-25 Oppgjer for det som ikkje er medrekna i arealverdien, og oppgjer når jordskifte utløyser ein auke i arealverdi.

Spørsmål om korleis areal, rettar og andre verdier skal bytast ligg nær opp til spørsmål om verdsetjing – særleg spørsmål som gjeld korleis verdsetjinga skal skje. Det er mange høyringsuttalar som er knytt til detaljar i som gjeld dette, og det kan vere noko uklart kvar referata frå høyringsinstansane eigentleg høyrer heime. Sjå omtale av verdsetjinga i kapittel 8.19.

Reglane om byte av grunn og rettar i gjeldande jordskiftelov er detaljerte. Omgrep og avgrensingar i gjeldande jordskiftelov er i stor grad knytt til landbrukseigedom. Detaljgraden gjer reglane lite smidige når lova skal gjelde alle eigedomstypar, ikkje berre landbrukseigedom. Detaljeringsgraden kan såleis hindre at jordskifteløysinga blir tilpassa det partane har peikt på som utenleg. Departementet foreslår å gjere dei detaljerte reglane meir generelle. Forslaget gjeld òg når det gjeld byte av grunn og rettar.

Strukturen i framstillinga nedanfor byggjer på paragrafane i lovforslaget. Omtalen i kapittel 8.24 gjeld lovforslaget §§ 3-20, 3-21, 3-23, 3-24 og 3-26.

### 8.24.2 Korleis jordskifteretten legg ut grunn og bruksrett

#### 8.24.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-21 ein hovudregel og to unntaksreglar for byte av varige verdier. Hovudregelen i høyringsforslaget § 3-21 første ledd er at arealverdi skal bytast mot arealverdi, at alltidvarande bruksrettar skal bytast mot alltidvarande bruksrettar eller areal til full eigedom. Arbeidsgruppa foreslår òg at arealverdi

skal kunne bytast mot alltidvarande bruksrettar. I høyringsforslaget § 3-21 andre ledd foreslår arbeidsgruppa eit unntak frå første ledd som fører vidare ein spesialregel frå gjeldande jordskiftelov § 28 andre ledd for skifte av skog som opnar for å trekkje verdien av ståande skog inn i skiftegrunnlaget på nærare bestemte vilkår. Høyringsforslaget § 3-21 tredje ledd er nytt i høve til gjeldande jordskiftelov. Forslaget er ein konsekvens av forslaget om å gjere om omskiping og avskiping etter servituttilova til verkemiddel i jordskifte. I tredje ledd foreslår arbeidsgruppa at jordskifteretten kan byte meir arealverdi mot pengar enn annan verdi enn det som følgjer av første ledd. Villkåret er at det er mykje om å gjere for minst ein part. Vinninga for parten må òg bli monaleg større enn tapet for dei andre partane. I slike tilfelle skal jordskifteretten gi panthavar rett til ein høveleg del av vederlaget.

I høyringsforslaget § 3-22 foreslår arbeidsgruppa at jordskifteretten skal kunne byte opparbeidd areal mot ikkje opparbeidd areal under føresetnad av at den som gir frå seg ikkje opparbeidd areal står for opparbeidinga eller betaler for henne. Ved byte av dyrka jord mot udyrka jord eller jord som ikkje er så godt dyrka, fører forslaget vidare gjeldande jordskiftelov § 51 første ledd første punktum. Forslaget er likevel ei utviding fordi formuleringane «opparbeidd areal» og «ikkje opparbeidd areal» erstattar formuleringane «dyrka jord» og «udyrka jord».

#### 8.24.2.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen (DA)* viser til at omgrepet arealverdi blir noko uklart når første og andre ledd blir lest i samanheng. DA peiker på at omgrepet arealverdi skal brukast, må det klargjerast nærare, blant anna i høve til grunnverdi og bruksverdi. DA peiker elles på at det i den seinare tida har vore diskusjonar om kva som bør vere skiftegrunnlaget for skog. Etter DA sitt syn bør departementet vurdere om reglane for skog bør førast vidare, eller om dei bør endrast slik at dei tek høgde for at skogeigedommen endrar seg over tid med omsyn til utnytting. DA reiser spørsmål ved korleis panthavarar skal trekkjast inn i saka når jordskifteretten avskipar servituttar etter høyringsforslaget § 3-21 tredje ledd, og reiser òg spørsmål ved om ein ikkje kjem i strid med § 3-3, garantien mot at nokon skal lide tap.

*Jordskifteoverdommarane og jordskifterettsleiarane i Frostating jordskiftedømme* gir likelydande uttale. Dei viser òg til at bruken av omgrepet arealverdi er uklart. Dei peiker dessutan på at det kan

stillast spørsmål ved om høyringsforslaget § 3-21 tredje ledd er litt for ope sett i høve til garantien partane har mot tap etter høyringsforslaget § 3-3. Det blir vist til at større bruk av pengevederlag enn i dag kan vere fornuftig, men det bør gjerast ei avgrensing slik at dette ikkje kan nyttast som ein tvangsmessig «salsparagraf».

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* peiker på at omgrepet arealverdi bør definerast. Dei peiker elles på at det viktigaste i første ledd ikkje står i lovteksten. Det viktigaste er at tidsavgrensa rettar berre som eit unntak kan endrast til noko som er alltidvarande. Slike rettar må såleis som ein hovudregel bli nye tidsavgrensa rettar, festetil høve eller pengar, ikkje til alltidvarande rettar eller grunn. Jordskifterettane foreslår at omgrepet grunnverdi i andre ledd blir endra til arealverdi slik at det blir samanheng i omgrepsbruken. Jordskifterettane legg til grunn at arealverdi kan vere ein jordskiftevariant av grunnverdi. Det kan vere ein fordel med eit eige omgrep som er tilpassa bytteprosessen og som er annleis enn eit nesten samanfallande omgrep som er i bruk ved takstar og skjønn. Jordskifterettane meiner elles at det er såpass uklart kva som ligg i omgrepet «samla bruksverdi» at det må forklarast nærare.

Jordskifterettane peiker på at høyringsforslaget § 3-21 tredje ledd er nesten lik høyringsforslaget § 3-12 andre ledd. Dei viser til at garantien mot tap i høyringsforslaget § 3-3 fører til at det ikkje kan stå i lova at nokon vil tape på ei løysing. Gjeldande jordskiftelov § 30 har ein betre ordlyd på dette punktet. Jordskifterettane foreslår ei løysing i tråd med dette.

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* etterlyser òg det nærare innhaldet i omgrepet arealverdiar. Jordskiftedommarane ser fordelar med at det blir opna for utvida bruk av pengar, men er i tvil om det bør opnast opp i så stor grad at panthavarane må trekkjast inn. Dette vil i tilfelle føre til at panthavarane må få ei formell rolle i saka. Jordskiftedommarane spør korleis dette kan løysast.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* viser til at store delar av høyringsforslaget § 3-21 er vanskeleg å forstå. Jordskifterettane meiner at høyringsforslaget §§ 3-6 og 3-17 er tilstrekkelege reglar for korleis bytet skal skje. Alternativt kan første ledd endrast slik at det blir ein regel om ekvivalering av verdiar før og etter endring (får igjen minst tilsvarende verdi som jordskiftegrunnlaget). Jordskifterettane viser til at bruken av omgrepa arealverdi og grunnverdi gjer det uklart kva som meinast. Jordskifterettane oppfattar at arealverdi både kan vere ein salsverdi og ein

bruksverdi, avhengig av kva som er pårekeleg bruk av det aktuelle arealet. Alternativt kan arealverdi vere eit omgrep for dei samla verdiane av ulike arealutnyttingar som partane rår over, slik at grunnverdien som tidlegare er verdien av for eksempel snau skogsmark eller dyrka mark utan infrastruktur. Jordskifterettane peiker på at høyringsforslaget § 3-21 andre ledd tilsvarende gjeldande jordskiftelov § 28 andre ledd. Jordskifterettane er i tvil om arealverdi er det same som grunnverdi, og peiker på at det blir merkeleg å ta inn gjeldande unntaksregel om samla bruksverdi utan at hovudregelen er definert. Jordskifterettane meiner ut over dette at høyringsforslaget § 3-21 andre ledd siste punktum er ein meningslaus regel. Ein kan ikkje både ta omsyn til avvik i grunnverdi før og etter dersom ein først trekkjer inn verdien av ståande skog i jordskiftegrunnlaget. Jordskifterettane har omskreve gjeldande unntaksregel for skifte i skog og flytt han inn i forslag til ny jordskiftelov. Forslaget lyder slik:

«Ved jordskifte i skog kan verdien av standsko-gen og andre verdiar som ligg til areala, heilt eller delvis dragast inn i jordskiftegrunnlaget. Vilåret for dette er at det framtidige verdiforholdet mellom eigedommane ikkje blir endra på avgjerande måte.»

Jordskifterettane er positive til tredje ledd som gir større fleksibilitet til å bruke pengevederlag, men peiker på at ordlyden er uklar. Det bør definerast ei nærare avgrensing for bruken av pengevederlag, slik at ein unngår å opne opp for noko som liknar kjøp og sal av eigedom. Ut over dette må den prosessuelle stillinga til panthavar avklarast, anten ved tilvising til anna lovverk, eller i lovteksten. Panthavaren bør få partsstatus, eller i det minste ein lovfesta rett til å uttale seg.

*Sør-Trøndelag jordskifterett* viser til at første ledd ikkje fører vidare gjeldande jordskiftelov § 28 første ledd siste punktum. Jordskifteretten viser til at omgrepet arealverdi bør klargjerast nærare. Jordskifteretten stiller spørsmål ved om avløyning er nødvendig å ha med i høyringsforslaget § 3-21, eller om det ikkje er dekkja tilstrekkeleg opp i høyringsforslaget § 3-9. Det er elles uklart når det i første ledd står at arealverdi skal bytast mot arealverdi, men samstundes at arealverdi kan bytast mot bruksrett.

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* viser til at omgrepa arealverdi og grunnverdi er brukte om kvarandre.

*Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap* foreslår å flytte inn-

haldet i første ledd til høyringsforslaget § 3-19 (jordskifteløysinga). Dei vil òg at det skal ryddast i formuleringa sidan det neppe er meint at arealverdi skal bytast i arealverdi dersom han samstundes kan bytast i noko anna. Innhaldet i realiteten i andre og tredje ledd blir fanga opp når retten ikkje kan endre karakteren av eigedommen eller den varige avkastninga frå han utan at det ligg føre visse vilkår. Det er ei dårleg løysing å halde fast ved den dårleg strukturerte ordlyden i gjeldande føresegn. Elles stiller instituttet spørsmål ved om det ved ein feil er brukt ordet «skiftegrunnlaget» i forslaget. Instituttet foreslår å endre omgrepet arealverdi til «varig verdi».

Høyringsforslaget § 3-22 gjeld byte av opparbeidd areal mot ikkje opparbeidd areal. Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme meiner at vilkåret «under føresetnad av» vil gi jordskifteretten for dårleg fleksibilitet. Opparbeidingsgraden er ein sentral faktor ved verdsetjinga, og regelen om kva som kan bytast mot kva er meir eit unntak frå denne hovudregelen slik at retten kan fastsetje eit pengevederlag eller påleggje opparbeiding. Jordskifterettane viser til at det ved jordskifte ikkje er snakk om å byte areal mot areal, men verdi mot verdi. Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme meiner òg at vilkåret «under føresetnad» bør strykast. Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme meiner at heile paragrafen er unødvendig og bør strykast. Det same gjer Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap. Instituttet viser til at det av omsyn til partane i saka og til tredjepartar ikkje er klokt med ein slik heimel. Instituttet peiker på at om ein ønskjer å innføre ein slik heimel, er kriteria i regelen for strenge. I praksis blir det i stor utstrekning bytt dyrka mark mot udyrka mark utan at den som gir frå seg udyrka mark må betale for oppdyrkinga. Det same skjer når det gjeld byte av grøfta versus ikkje grøfta areal, område med vegdekking mot område utan vegdekking og så vidare.

*Jernbaneverket* peiker på at høyringsforslaget § 3-22 er vanskeleg tilgjengeleg. Det er uklart kva for element verdsetjinga skal byggje på, og korleis ein skal leggje vekt på dei ulike elementa som påverkar eigedomsverdien. Ved verdsetjinga legg ein vekt på ulike element avhengig av kva formål arealet skal brukast til. Skal arealet brukast til utbygging, har plasseringa stor vekt. Dette momentet har mindre vekt for areal som skal brukast til skogbruk. I det siste tilfellet vil boniteten ha stor vekt. Om arealet er opparbeidd eller ikkje og graden av opparbeiding har òg vekt ved

verdsetjinga. Det er såleis nødvendig med utfyllande drøftingar og rettleiing.

#### 8.24.2.3 Departementets vurderingar

Etter gjeldande jordskiftelov kan jordskifteretten byte grunn og rettar mellom eigedommar i eit jordskifte. Departementet viser til gjeldande jordskiftelov §§ 2 første ledd bokstav b, og 33 første ledd andre punktum. Av føregnene går det fram at retten kan avgrense feltet for ein bruksrett, gi reglar om bruksmåte og flytte bruksretten frå ein stad til ein annan eller frå ein eigedom til ein annan.

Heimelen til å byte grunn og rettar blir ført vidare i lovforslaget §§ 3-4 og 3-11.

Etter gjeldande jordskiftelov § 26 første ledd første punktum skal jordskifteretten halde jordskifte, mellom anna ved byte av grunn, så langt jordskifteretten meiner det er nødvendig ut frå kravet. Etter gjeldande jordskiftelov § 28 første ledd skal skiftet skje slik at kvart bruk får tilbake tilsvarende den grunnverdien som det gir frå seg. Dersom alle partane er samde om det, kan ein skifte på grunnlag av skylda i slike tilfelle. Andre ledd inneheld ein regel om skifte av skog. Innhaldet i reglane er referert i kapittel 8.19 som gjeld verdsetjing. Gjeldande jordskiftelov § 30 andre ledd andre punktum har ein regel om at dersom det ikkje let seg gjere å leggje ut eigedommane på tenleg måte etter skiftegrunnlaget, kan jordskifteretten overføre jord mot vederlag i pengar eller anna. Det går fram av gjeldande jordskiftelov § 51 at om dyrka jord blir skifta mot udyrka jord eller jord som ikkje er så godt dyrka, kan «mellomlaget setjast i pengar, jord eller anna så som arbeidshjelp eller mellombels bruksrett til jord». Gjeldande jordskiftelov § 57 seier at om grunn fri for bruksrett blir skifta mot grunn som det ligg bruksrett på, bør vederlaget ikkje setjast til anna enn grunn dersom bruksretten er alltidvarande og denne vederlagsmåten er tenleg etter tilhøva.

Departementet meiner at jordskifteretten skal leggje ut grunn og bruksrettar på tenleg måte sett i lys av grunnlaget for jordskiftet. Dette er utgangspunktet for arbeidet til jordskifteretten, og departementet meiner det er så viktig at det bør gå fram av ein generell regel. Departementet foreslår ein slik regel i lovforslaget § 3-19 første ledd. Kva som er tenleg må byggje på kva partane peiker på som utenleg etter lovforslaget § 3-2, og dei eigedomsrettstilhøva og bruksrettstilhøva som skal klarleggjast etter lovforslaget kapittel 3 del III. Konkrete reglar om korleis jordskifteretten

kan leggje ut eigedom og bruksrettar går elles fram av lovforslaget §§ 3-20 til 3-26.

Departementet meiner òg at det bør gå fram av hovudregelen at jordskifteretten skal sjå til at kvar eigedom får att tilsvarende den verdien som eigdommen gir frå seg. Ei slik presisering trygjer rettstryggleiken for dei som tek del i eit jordskifte. Rett nok bør jordskifteretten òg i nokre tilfelle kunne måle ut vederlag i pengar eller anna, men dette bør berre vere aktuelt dersom andre løysingar ikkje strekk til. Departementet foreslår ein slik regel i lovforslaget § 3-19 andre ledd. Samla fører føresegnene i lovforslaget §§ 3-2, 3-3, 3-18 og 3-19 andre ledd til at eit jordskifte òg etter ny jordskiftelov ikkje kan reknast som ein ekspropriasjon eller ei ekspropriasjonsliknande avgjerd. Sjå omtale av dette i kapittel 8.10.3.3.

Departementet meiner at hovudregelen ved byte av grunn og rettar etter lovforslaget §§ 3-4 eller 3-11 bør vere at jordskifteretten kan byte grunn og bruksrettar. Reglane er slik i dag, dei blei ikkje foreslått endra i høyringsnotatet, og det er ingen høyringsinstans som tek opp spørsmål om å endre dette. Departementet foreslår difor i lovforslaget § 3-20 første ledd at jordskifteløysinga kan gå ut på å byte om grunn mot grunn, bruksrett mot bruksrett, grunn mot bruksrett og bruksrett mot grunn. Forslaget går ut på at jordskifteretten skal kunne flytte rettar som er omfatta av lovforslaget § 3-11 etter dei same reglane som gjeld ved byte av grunn eller bruksrettar. Forslaget lovfestar gjeldande rettspraksis.

Korleis jordskifteretten skal verdsetje det som går inn i bytet, er omtala i kapittel 8.19. Som det går fram av lovforslaget § 3-15 første ledd, foreslår departementet at verdsetjinga skal byggje på pårekeleg bruk. Er det pårekeleg at bruken vil endrast, skal jordskifteretten ta omsyn til dette.

Departementet meiner elles at jordskifteretten heller ikkje etter ny jordskiftelov kan vere bunden av det synet partane har på kva bytet skal gå ut på. Partane sine syn kan vere motstridande, og oppgåva for jordskifteretten er å ta stilling til kva som løyser det utenlege utan at nokon av partane taper på det. Jordskifteretten må såleis ha fridom til å velje den konkrete løysinga. Dette samsvarer òg med gjeldande reglar. Reglane blei ikkje foreslått endra i høyringsnotatet, og ingen høyringsinstans har teke opp spørsmål om å endre dette. Saksbehandlingsregelen i lovforslaget § 6-20 om at jordskifteretten skal leggje forslag til jordskifteløysing fram for partane slik at dei få uttale seg, fører uansett til at synet partane har kjem fram i saka.

Løysinga må blant anna sjåast i lys av forslaget om å føre vidare innhaldet i gjeldande jordskifte-

lov § 26 første ledd første punktum. Føresegna seier blant anna at jordskifteretten ved byte skal endre eigedoms- og brukstilhøva så langt han meiner det er tenleg ut frå kravet som er sett fram. Sjå lovforslaget § 3-16, og drøfting av dette i kapittel 8.21.

Som etter gjeldande jordskiftelov er det behov for reglar som gir unntak frå hovudregelen om at byte skal gjelde varige verdier. I nokre tilfelle vil det ikkje vere mogleg å byte grunn eller rettar, men det vil likevel vere mykje å hente på endre eigedoms- eller bruksrettshøve. Dersom dette er tilfelle, kan det vere aktuelt å gi vederlag i pengar eller andre verdier. Departementet foreslår såleis å føre vidare unntaksregelen i gjeldande jordskiftelov § 30 andre ledd, sjå lovforslaget § 3-20 andre ledd. På same måte som i gjeldande jordskiftelov, meiner departementet det bør vere ei rekkjefølgje slik at jordskifteretten først må kome fram til at det ikkje let seg gjere å leggje ut eigedommane eller bruksrettane etter første ledd. Det bør gå fram av heimelen at unntaket både gjeld ved byte av grunn og bruksrettar. Dette er forskjellig frå ordlyden i gjeldande lov, men det er ei lovfesting av praksis. Når vederlag blir gitt i pengar eller andre verdier, får vilkåret i lovforslaget § 3-18 særleg betyding. Sjå drøfting av dette i kapittel 8.23.

Departementet foreslår ingen generell utviding av regelen i gjeldande jordskiftelov § 51 i tilsvarende høyringsforslaget § 3-22 som gjeld byte av opparbeidd areal mot ikkje opparbeidd areal. Departementet meiner det er uklart kva som er opparbeidd areal og kva som ikkje er det. Jordskifteretten bør ikkje få ein generell heimel til å endre den karakteren eigdommen har vesentleg. Departementet sluttar seg til den grunngevinga Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap har gitt for dette. Ei slik endring ville blant anna opne for jordskifteløysingar som går på tvers av eigarane sine ønske.

Gjeldande jordskiftelov § 51 seier at når dyrka jord skal bytast med udyrka jord som skal dyrkast, kan den udyrka jorda verdsetjast som om ho var dyrka, og dyrkingskostnaden leggjast på den som gir frå seg den udyrka jorda. Kostnaden kan målast ut i pengar, arbeidshjelp, mellombels bruksrett eller anna. Om mellomlaget er sett til anna enn jord, skal pengeverdien alltid nemnast. Departementet er samd med arbeidsgruppa i at denne heimelen til å bruke pengar kan vere like aktuell for andre former for opparbeiding enn dyrka og udyrka jord. Gjeld jordskiftesaka byggetomter, kan for eksempel òg slike ha ulik opparbeidingsgrad. Departementet foreslår difor i lovforslaget § 3-20 tredje ledd ein generell heimel for

jordskifteretten til å bruke pengar for å kompensere for ulik opparbeidingsgrad. Når det i heimelen er nytta ordet «kan» vil jordskifteretten ha eit val. Jordskifteretten kan såleis unnlata å trekkje inn eit slikt oppgjer. Dette opnar for å halde fram med den praksis Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap peiker på i uttalen sin.

Departementet foreslår ikkje at omskipling og avskipping etter servitutlova skal bli jordskifte, sjå drøfting av dette i kapittel 8.5. Lovforslaget inneheld difor inga føresegn som tilsvare høyringsforslaget § 3-21 tredje ledd.

### 8.24.3 Utlegging av grunn til særskilte formål

#### 8.24.3.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at når ein tiltakshavar med heimel til å ekspropriere eig noko i jordskifteområdet, skal tiltakshavaren få utlagt som sin del det areal tiltakshavaren treng for å realisere eit lovleg vedteke tiltak. Det same gjeld ved regulering av eigarrådvelde. Forslaget fører vidare hovudinnhaldet i gjeldande jordskiftelov § 30 første ledd. Det er ei endring at forslaget gjeld ein tiltakshavar. Ei anna endring er at tiltakshavaren skal ha heimel til å ekspropriere. Ei tredje endring er vilkåret om at det skal vere tale om å realisere eit lovleg vedteke tiltak. I siste punktum foreslår arbeidsgruppa ei presisering av at krav på bestemt areal gjeld på same måten ved regulering av eigarrådvelde.

#### 8.24.3.2 Høyringsinstansane

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme og jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* gir uttrykk for at dette er ein grei regel. *Avinor* peiker på at høyringsforslaget § 3-23 er ein regel som byggjer på at tiltakshavar har heimel til å ekspropriere. Intensjonen ser ut til å vere at regelen skal fastsetje at det ligg føre eit lovleg grunnlag for ekspropriasjon. *Avinor* foreslår ei endring i tråd med dette. *Samferdselsdepartementet* støttar dette synet.

#### 8.24.3.3 Departementets vurderingar

Det går fram av gjeldande jordskiftelov § 30 første ledd at om nokon part treng grunn til særskilte formål som vegar eller anna, kan han krevje dette utlagt av sin del. Det går fram av Ot.prp. nr. 56 (1978-1979) side 83 at det særleg er tenkt på offentlege vegar, men regelen er generell. Den

eller dei som må gi frå seg jord til vegformål får tilbake jord frå den som har behov for vegen. Regelen må òg sjåast i samanheng med gjeldande jordskiftelov § 43 som fastset at nødvendige vegar skal leggjast ut og skriftleg forklaring givast om kvar dei går.

Gjeldande regel blei vurdert i NOU 2002: 9 Jordskifterettens stilling og funksjoner. Utvalet uttalte på side 90 at gjeldande jordskiftelov § 30 i realiteten opnar for ekspropriasjon samtidig som det tilsynelatande dreier seg om ordinært jordskifte. Utvalet viste til at dette var prinsipielt uheldig, men la likevel til grunn at regelen burde bestå. Utvalet uttalte på side 71 til 72:

«Det som er tatt opp, har ikke noen direkte betydning for jordskifterettens stilling som uavhengige domstoler. Ved avgjørelsen må jordskifteretten legge til grunn at bestemt areal skal utlegges til det offentlige på same måte som når det kreves kombinert jordskifte og skjønn til gjennomføring av et ekspropriasjonsinngrep. Det er i realiteten ikke noe annet enn også alminnelige domstoler må gjøre når det skal fastsettes erstatning i forbindelse med ekspropriasjonsinngrep – med den forskjell at de alminnelige domstolene ikke ved å trekke inn tilleggende areal helt eller delvis kan utmåle erstatning i form av naturalia.

Det har imidlertid betydning for andre konstitusjonelle prinsipp, jf. Grunnloven § 105, og også for enkelte andre spørsmål som tas opp i 7.3.4, særlig i tilknytning til bestemmelsen i jordskifteloven § 25 siste ledd om at jordskifteretten av eget tiltak kan beslutte å utvide jordskiftefeltet. En regel som gir jordskifteretten en viss, begrenset adgang til dette ut frå tradisjonelle jordskifterettslige prinsipp, framstår ikke uten videre som særskilt betenkelig. Noe annet vil det være dersom jordskifteretten skulle foreta en selvstendig vurdering av hvilke eiendommer det vil være gunstig å trekke inn med sikte på å komme fram til et hensiktsmessig erstatningsoppgjør.»

Departementet meiner at det er behov for ein regel som dette. Heimelen legg til rette for at jordskifte kan brukast for å setje i verk lovleg vedteke tiltak eller vern ved byte av areal. Departementet oppfattar at korkje utvalet som utarbeidde NOU 2002: 9 Jordskifterettens stilling og funksjoner eller høyringsinstansane som har uttalt seg til høyringsforslaget no har hatt avgjerande innvendingar mot heimelen. Departementet foreslår med dette som bakgrunn at ny jordskiftelov skal

ha ein regel som sikrar at den som treng grunn til slike samfunnsformål kan krevje å få arealet utlagt av sin del. Forslaget går fram av lovforslaget § 3-22.

Departementet er elles samd med Avinor som med støtte frå Samferdselsdepartementet viser til at det må vere tilstrekkeleg at det ligg føre eit vedtak som kan gjennomførast ved ekspropriasjon. Det er ikkje nødvendig at tiltakshavar sjølv har heimel til å ekspropriere. Det er heller ikkje nødvendig at nokon har vedteke ekspropriasjon. Det er likevel eit vilkår for jordskifte i slike høve at den som har krav på eit bestemt areal, har anna areal å byte bort.

Heimelen har òg samanheng med kven som kan krevje jordskifte, sjå omtale i kapittel 6.5.3. Departementet har der lagt til grunn at ei rekkje spesielle heimlar for at det offentlege kan setje fram krav om sak ikkje bør førast vidare i ny jordskiftelov.

#### 8.24.4 Utlekking av grunn og bruksrett som kan endre verdi

##### 8.24.4.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at det òg i ny jordskiftelov skal vere visse avgrensingar i den fridomen jordskifteretten skal ha til å kunne byte om på areal og rettar ved eit jordskifte. I høyringsforslaget § 3-24 første ledd er forslaget at areal eller bruksrettar med pårekleleg og monaleg framtidig verdiendring ikkje bør skifte eigar. Det same skal gjelde for naturressursar, bygg, anlegg og ulemper som følger arealet. Det går fram av andre ledd at jordskifteretten i alle høve skal sjå til at mogleg framtidig verdiendring blir så lik som råd før og etter jordskiftet. I tredje ledd foreslår arbeidsgruppa ein regel om at jordskifteretten ikkje kan påby at nokon skal gi frå seg meir av ressursar som sand, grus og torv enn han får att dersom skilnaden har noko avgjerande å seie for eigedommen hans. Første til tredje ledd byggjer på reglar i gjeldande jordskiftelov.

I fjerde ledd foreslår arbeidsgruppa ein ny regel om at jordskifteretten ikkje kan påby nokon å ta imot areal som fører til meirulemper dersom skilnaden har noko avgjerande å seie for eigedommen hans.

I femte ledd foreslår arbeidsgruppa å føre vidare regelen i gjeldande jordskiftelov § 54 om at der det er fare for naturskade som for eksempel elvebrot, skred eller sandfok, skal jordskifteretten ta omsyn til dette i jordskifteløysinga. Jordskifteretten kan ta inn investeringar i førebyggingsar-

beid eller andre tryggingstiltak som ein del av jordskifteavgjerda.

##### 8.24.4.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen (DA)* viser til at første ledd kan tolkast slik at bygg og anlegg kan skifte eigar dersom det ikkje er fare for «monalege» verdiendringar. DA ber departementet sjå om det er rett tolking av gjeldande jordskiftelov.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* reiser spørsmål ved kva som skal reknast som meirulemper som ikkje kan omfattast av verdsetjing. Jordskifterettane meiner at gjeldande jordskiftelov § 31 er betre utforma enn forslaget i høyringsnotatet. Jordskifterettane foreslår at ein i ny lov held fast på gjeldande formulering. Dei foreslår òg å byte ut omgrepet verdiauke med verdiendring. Jordskifterettane foreslår følgjande regel:

«Meiner jordskifteretten at grunn og rettar i skiftefeltet kan få utnytting som gir stor verdiendring, bør slikt ikkje skifte eigar utan at det er nødvendig for eit tenleg skifte.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* foreslår å sløyfe tredje og fjerde ledd. Dommarane viser til at reglane gir unødvendig detaljstyring. Særleg fjerde ledd kan føre til unødvendig prosess om spørsmåla «meirulemper» og om «skilnaden har noko avgjerande å seie for eigedomen hans».

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* viser til at omgrepet naturressursar i første ledd andre punktum er for generelt. Jordskifterettane foreslår at omgrepet «særlege» blir lagt til. Jordskifterettane foreslår ein endra ordlyd i andre ledd, og at tredje og fjerde ledd må strykast. Det er ikkje nødvendig å presisera nærare kva som er naturskade. Det er nok å vise til naturskadelova § 4.

*Sør-Trøndelag jordskifterett* viser til at første ledd andre punktum er uklar. Jordskifteretten legg til grunn at det som er meint er at dei ulike ressursane skal vurderast samla i høve til framtidig verdiendring. Jordskifteretten meiner at omgrepet naturressursar må presiserast.

Vidare viser jordskifteretten til at tredje og fjerde ledd langt på veg er unødvendige. Dersom tredje ledd fører vidare hovudinnhaldet i gjeldande jordskiftelov § 56, blir regelen mindre dynamisk enn det han bør vere. Eit jordskifte må kunne omdanne eigedommar i høve til kva den aktuelle brukaren har som formål. Ein fritidsbrukar vil såleis kunne vere meir interessert i jaktter-

reng, medan den fastbuande er meir interessert i dyrka mark.

*Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap* foreslår å sløyfe regelen fordi han er unødvendig detaljstyrande. Instituttet meiner at ein i staden bør ha ein regel om at jordskifteløysinga ikkje vesentleg skal kunne endre karakteren til eigedommen eller den varige verdien av han. Instituttet ser ikkje behov for ein eigen heimel for å trekkje inn investeringar som skal førebyggje naturskade som del av jordskiftesaka.

#### 8.24.4.3 Departementets vurderingar

Det går fram av gjeldande jordskiftelov § 31 første punktum at om jordskifteretten meiner at grunn og rettar i skiftefeltet kan få utnytting som gir stor verdiauke, bør slikt ikkje skifte eigar utan at det er nødvendig for eit tenleg skifte. Det går fram av andre punktum at jordskifteretten i alle høve skal leggje vekt på at mogleg framtidig verdiauke av eigedomane blir så lik som råd er før og etter skiftet. Etter gjeldande jordskiftelov § 56 første ledd andre punktum kan jordskifteretten ikkje påby at nokon skal gi frå seg meir torv enn han får att dersom skilnaden har noko avgjerande å seie for eigedommen hans, og i gjeldande jordskiftelov § 54 første ledd første punktum er det lagt til grunn at jordskifteretten skal ta omsyn til det i skifteplanen dersom det er fare for elvebrot, skred, sandfok og liknande.

Departementet er samd med Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap og jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme i at reglane i gjeldande rett som er ført vidare i høyringsforslaget § 3-24 er unødig detaljerte. Departementet har elles merka seg at fleire av høyringsinstansane er kritiske til ulike delar av innhaldet i høyringsforslaget § 3-24. Departementet foreslår såleis ikkje å føre vidare dei detaljerte reglane.

Departementet har tillit til at jordskifterettane vil vere varsame med å byte grunn eller bruksrettar som vil endre verdi. Departementet meiner likevel at det er ønskeleg å ha ein generell ver-var-som-regel i lova for slike tilfelle. Det er omsynet til informasjon overfor sjølvprosederande partar som tilseier ein slik regel. Grunn eller bruksrettar som vil endre verdi bør ikkje skifte eigar utan at dette er nødvendig for eit tenleg jordskifte. Sjå lovforslaget § 3-23 første punktum.

Om jordskifteløysinga likevel fører til at grunnen skiftar eigar, pliktar jordskifteretten å sjå til at verdiendringa blir så lik som råd er før og etter

jordskiftet. Grunnen til det er at ingen part skal li tap, jf. lovforslaget § 3-18. Sjå løysinga i lovforslaget § 3-23 andre punktum.

### 8.24.5 Utjammingsmåten i samband med overføring av standskog, brenntorv og strøtorv

#### 8.24.5.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-25 ein generell regel om at jordskifteretten skal kunne fastsetje oppgjeret for det som ikkje er med i arealverdien til pengar eller annan verdi. Etter andre ledd pliktar jordskifteretten å foreta ei forsvarleg identifisering av skog som skal hoggast dersom hogst skal nyttast som oppgjer for skog som står på areal som skiftar eigar. Etter tredje ledd foreslår arbeidsgruppa at om jordskiftet fører til auka verdi av areal, kan det gjerast opp i pengar eller annan verdi så fram ingen part får redusert sin samla arealverdi.

#### 8.24.5.2 Høyringsinstansane

*Fylkesmannen i Sør-Trøndelag* viser til at enkelte rettsavgjerder i liten grad har teke vare på viktige miljøomsyn, og heller ikkje foryngingsplikta etter skogbrukslova. Når jordskifteretten i høyringsforslaget § 9-4 får heimel til av ta avgjerder om hogst, må jordskifteretten følgje reglane for slik hogst.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* peiker på at det må vere mogleg å overføre bygningar frå ein eigar til ein annan eigar utan omsyn til om ein bygning har låg eller høg verdi. Det same gjeld flytting av bygningar. Etter andre ledd må det vere nok å seie at trea eller flata er forsvarleg merka. Formålet med tredje ledd må vere at gevinsten skal kunne takast ut i pengar.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* legg til grunn at det med omgrepet arealverdi er meint jordskiftegrunnlaget. Jordskifterettane peiker på at andre ledd ikkje treng stå i lova, men at innhaldet bør gå fram av forarbeida. Dersom gjeldande jordskiftelov § 55 blir ført vidare vil hogst bli ei lovfesta mogleg oppgjersform. Siste ledd i paragrafen er òg uheldig og bør strykast. Auka arealverdi er ein skiftegevinst. Slike gevinstar skal normalt ikkje kunne gjerast om til pengar. *Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner at siste ledd er vanskeleg å forstå.

*Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap* meiner at andre ledd kan sløyfast. Det bør halde å omtale behovet for presis identifikasjon i forarbeida. Dersom regelen



skal først vidare i ny lov bør han utformast generelt. Det er misvisande å presisere identifikasjonsbehovet berre for ein naturressurs (tre), men utelate andre aktuelle situasjonar. Kravet om forsvarleg identifisering gjeld generelt. Det gjeld òg meir enn berre avgrensing av ressursen, for eksempel når og korleis uttaket skal skje, fordeling av ansvar for opprydding og istandsetjing og så vidare. I tillegg kan det av praktiske årsaker vere meir tenleg at uttaket av naturressursar blir verande på areal som ikkje skiftar eigar. Tredje ledd bør flyttast til regelen om oppgjær i pengar for varig verdi.

#### 8.24.5.3 Departementets vurderingar

Etter gjeldande jordskiftelov § 30 andre ledd kan jordskifteretten overføre jord mot vederlag i pengar eller anna. Det kan han gjere om det ikkje let seg gjere å leggje ut eigedommane på tenleg måte etter skiftegrunnlaget. Overføring av jord må ikkje nyttast i slikt omfang at det blir til ulempe for dei eigedommane det gjeld. Etter gjeldande jordskiftelov § 56 første ledd kan jordskifteretten òg fastsetje utjanningsmåten i samband med overføring av brenntorv og strøtorv. Retten kan likevel ikkje påby at nokon skal gi frå seg meir torv enn han får att dersom skilnaden har noko avgjerande å seie for eigdommen hans. Etter gjeldande jordskiftelov § 55 fastset jordskifteretten ut over dette utjanningsmåten i samband med overføring av standskog. Dersom hogst blir nytta, skal jordskifteretten sørge for forsvarleg merking av trea eller flata som skal hoggast om ikkje dette går klart fram på annan måte.

Departementet foreslår ikkje ein slik generell regel som høyringsforslaget § 3-25 første ledd. Departementet meiner at lovforslaget § 3-20 andre ledd som i visse tilfelle gir jordskifteretten heimel for å fastsetje vederlag i pengar eller andre verdiar er tilstrekkeleg heimel i langt dei fleste tilfella.

Departementet har elles vurdert om det er grunnlag for å føre vidare dei detaljerte reglane i gjeldande jordskiftelov som er nemnde ovanfor. Sjø innvendingane som er fremma av jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme og Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap. Departementet meiner likevel at både regelen som gjeld standskog og regelen om brenntorv og strøtorv er kompetanseheimlar som går ut over det jordskifteretten elles kan gjere i eit vanleg jordskifte. Sjølv om dette er sjeldne saker, meiner såleis departementet at det kan vere grunn til å behalde reglane.

Departementet meiner likevel det er ulik praktisk verdi ved dei to reglane i gjeldande jordskiftelov §§ 55 og 56 første punktum. Etter departementets syn kan det vere praktisk i dag òg å overføre standskog, og departementet meiner såleis at det er behov for ein regel om utjanning. Samstundes ser ein det ikkje som aktuelt å ha ein heimel om utjanning knytt til brenntorv og strøtorv. Torva vil ved verdsetjing truleg setjast til liten eller ingen verdi. Det er da ikkje behov for ein eigen heimel om utjanning.

Departementet foreslår såleis at gjeldande jordskiftelov § 55 skal først vidare, sjå lovforslaget § 3-25. Departementet foreslår ikkje på tilsvarende måte å føre vidare gjeldande jordskiftelov § 56 første punktum.

Kravet om forsvarleg identifisering vil gjelde generelt, og det følgjer for eksempel av lovforslaget § 6-24 sjette ledd andre punktum at jordskifteavgjerd med endeleg jordskifteløysing skal ha ei slutning som inneheldt alt som er nødvendig for å gjere endringane som følgjer av jordskifteløysinga.

Departementet er samd med høyringsinstansane i at det er unødvendig og uheldig å føre inn ein regel om at jordskifteretten skal kunne fordele skiftegevinst, jf. høyringsforslaget § 3-24 tredje ledd. Etter gjeldande jordskiftelov kan skiftegevinst ikkje gjerast opp i pengar. Departementet viser i denne samanheng til lovforslaget § 7-6 første ledd som seier at hovudregelen er at sakskostnadene med jordskiftet skal delast etter nytten. Skiftegevinsten er ein del av denne nytten. På den måten medverkar kostnadsreglane til å jamne ut skeivdeling av skiftegevinsten. Lovforslaget inneheld såleis ingen regel om oppgjær for det som ikkje er medrekna i verdien til eit areal, eller om oppgjær når jordskifteløysinga utløyser ein auke i verdien for eit areal.

### 8.24.6 Vederlag ved overføring av ulike anlegg og småhus

#### 8.24.6.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å oppheve gjeldande jordskiftelov §§ 45 til 50. Ho viser til at føresegnene har sitt opphav frå ei tid da det var mykje om å gjere å avvikle klyngetun, og husa kunne takast ned og flyttast stukk for stukk. Arbeidsgruppa foreslår at reglane om utflytting skal gå ut av lova, og at det berre skal vere mogleg å flytte bygningar når partane er samde om det.

#### 8.24.6.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* peiker på at det må vere mogleg å overføre bygningar frå ein eigar til ein annan eigar utan omsyn til om ein bygning har låg eller høg verdi.

#### 8.24.6.3 Departementets vurderingar

Jordskifteretten kan etter gjeldande jordskiftelov § 48 gjere vedtak om at vassleidningar, damanlegg, kraftleidningar og liknande og småhus som for eksempel utlør skal overførast mot pengevederlag dersom slik overføring synest tenleg for dei partane det gjeld.

I lovforslaget § 3-4 andre ledd foreslår departementet at jordskifteretten skal ha kompetanse til å påby at slike anlegg og bygningar skal overførast til ny eigar. Departementet foreslår at kapitlet om jordskifteløysinga skal ha ein eigen regel om korleis vederlaget ved slikt påbod skal vere. Som etter gjeldande jordskiftelov § 48 bør vederlaget kunne setjast i pengar. Departementet meiner likevel at det kan vere grunn for å opne heimelen slik at òg andre typar vederlag er aktuelle. Sjå lovforslaget § 3-21.

### 8.25 Leigeareal

#### 8.25.1 Høyringsforslaget

Høyringsforslaget § 3-26 andre og tredje ledd gjeld tilhøvet til leigetakar. Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare gjeldande jordskiftelov § 32. Det inneber at om jordskifte har noko å seie for leigar eller annan som har liknande rett, skal jordskifteretten ordne høvet mellom han og eigaren om det trengst. I utforminga av skifteplanen bør jordskifteretten ta omsyn til leigetilhøvet i skiftefeltet. Han kan og hjelpe til med å få i stand leigeavtalar og avtalar om kjøp og sal.

#### 8.25.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme, jordskifterettane i Agder jordskiftedømme og jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* meiner at siste ledd bør takast ut. Det er ikkje ei oppgave for retten å vere med på kjøp og sal.

#### 8.25.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår å føre gjeldande jordskiftelov § 32 vidare med den avgrensinga som er teken opp i høyringsomgangen. Departementet er

samd med høyringsinstansane i at det ikkje bør vere ei oppgave for jordskifteretten å få i stand leigeavtalar eller avtalar om kjøp og sal. Sjå lovforslaget § 3-24.

### 8.26 Vederlag ved avløyning av rettar

#### 8.26.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at avskipping og omskiping etter servituttlova skal bli verkemiddel i jordskifte. Som ein følgje av dette forslaget foreslår arbeidsgruppa ikkje særlege reglar om vederlag ved avløyning av rettar. Arbeidsgruppa foreslår mellom anna av den grunn å utvide heimelen til å gi vederlag i pengar i høve til gjeldande jordskiftelov. Sjå omtale av høyringsforslaget § 3-21 tredje ledd i kapittel 8.24.2.1.

#### 8.26.2 Høyringsinstansane

Ingen høyringsinstansar tek opp spørsmålet om særlege reglar knytt til avløyning av rettar. Fleire er likevel opptekne av spørsmålet om å utvide heimelen for å gi vederlag i pengar. Sjå høyringsuttalane til høyringsforslaget § 3-21 tredje ledd i kapittel 8.24.2.2.

#### 8.26.3 Departementets vurderingar

Gjeldande jordskiftelov § 37 gjeld visse alltidvarande bruksrettar. Paragrafen fastset at vilkåret for avløyning til vanleg er at det kan leggjast ut til bruksrettshavaren ein eigedomspart med ein verdi som svarer til bruksretten, og som gir noko så nær like laglege høve til ein bruk som fyller same behovet som bruksretten. Vederlaget må ikkje ha større verdi enn den verdiauken det fører med seg for eigedommen å bli kvitt bruksretten. Gjeldande jordskiftelov § 39 gjeld avløyning av andre bruksrettar. Det går fram av tredje punktum at avløysingsmåten skal fastsetjast av retten etter fritt skjønn til jord, pengar eller andre verdier. Etter servituttlova § 7 andre ledd kan ein servitutt avskipast dersom eigaren svarer vederlag i jord, rettar eller pengar etter avgjerd i skjønn. Vederlaget kan ikkje setjast lågare enn det retten er verd for rettshavaren.

Departementet viser til drøftinga av tilhøvet mellom jordskiftelova og servituttlova i kapittel 8.5. Departementet viser òg til den løysinga som er lagt til grunn i lovforslaget §§ 3-11 og 3-12. Departementet foreslår difor at jordskifteretten på visse vilkår kan avløyse bruksrettar av alle slag, og avløyse negative servituttar.

Departementet meiner av omsynet til regelfor-  
enkling at reglane i jordskiftelova for avløy-  
sing av ulike servituttar bør vere like. Rett nok vil det tru-  
leg oftast vere meir aktuelt å avløyse ein negativ  
servitut i pengar, og ein alltidvarande bruksrett i  
grunn. Det er likevel ikkje nødvendig å nedfelle  
dette i ein lovregel. Det bør etter departementets  
syn heller vere ein del av den vurderinga jordskif-  
teretten skal gjere for å komme fram til ei tenleg  
jordskifteløysing.

Departementet meiner at det bør bli betre  
samsvar mellom reglane i jordskiftelova og servi-  
tuttlova når det gjeld kva som kan vere vederlag  
ved avløyning. Når avløyninga er ein del av eit  
jordskifte, er det likevel ut frå dei grunnleggjande  
prinsippa som er nedfelte for jordskifteløysinga,  
ønskjeleg at lova fastset ei rekkefølge slik at pen-  
gar eller andre verdiar berre er aktuelle dersom  
dette er meir tenleg enn byte av grunn eller  
bruksrettar. Departementet foreslår ei slik løysing  
i lovforslaget § 3-26 første ledd.

Departementet meiner ut over dette at det har  
informasjonsverdi dersom vilkåret i servituttløva  
om at vederlaget ikkje kan setjast lågare enn det  
retten er verd for rettshavaren går fram av jord-  
skiftelova. Sjå lovforslaget § 3-26 andre ledd.

## 8.27 Omsyn ved pålegg om felles investeringar

### 8.27.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-13  
tredje ledd at jordskifteretten skal leggje vekt på  
den framtidige utnyttinga av eigedommane og ret-  
tane. Retten skal òg leggje vekt på behovet for og  
nyttan av tiltaket og infrastrukturen. Retten kan ta  
omsyn til den økonomiske evna til partane.

### 8.27.2 Høyringsinstansane

Synet til høyringsinstansane er referert i kapittel  
8.14.2 i samband med forslaget til kompetansehei-  
mel. *Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme,*  
*jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme*  
*og jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme*  
foreslår at dei to første punktuma i høyringsforsla-  
get § 3-13 tredje ledd bør takast ut. Forslaga til  
endring gjeld plikta jordskifteretten skal ha til å  
leggje vekt på framtidig utnytting av eigedommane  
og rettane, og plikta til å leggje vekt på behovet for  
og nyttan av tiltaket og infrastrukturen.

### 8.27.3 Departementets vurderingar

Det går fram av gjeldande jordskiftelov § 42 andre  
ledd at jordskifteretten under vurderinga av om  
partane skal påleggjast investeringar skal leggje  
vekt på den framtidige utnyttinga av eigedom-  
mane. Jordskifteretten kan òg ta omsyn til den  
økonomiske evna til til partane. Departementet  
meiner at det er behov for å føre regelen vidare i  
ny jordskiftelov, sjå lovforslaget § 3-27. Det gir  
betre informasjon til partane dersom dette går  
fram av lova.

## 8.28 Ansvar for gjeld i lag, og ansvar for kostnader og fordeling av inntekter ved felles tiltak

### 8.28.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-14  
andre ledd at om ikkje anna er bestemt skal kvar  
deltakar i lag som jordskifteretten har stifta svare  
for utgifter og gjeld overfor tredjemenn etter sitt  
høvetal. Inntekter skal delast på sama måte.

### 8.28.2 Høyringsinstansane

Synet til høyringsinstansane er referert i kapittel  
8.15.2 i samband med forslaget til kompetansehei-  
mel. *Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme*  
meiner at ansvarsdelinga i gjeldande jordskiftelov  
bør behaldast. *Jordskiftedommarane i Gulating*  
*jordskiftedømme* saknar ei setning om at kostna-  
dane skal delast på partane etter den nytte den  
enkelte part har, noko som fører vidare gjeldande  
regel.

### 8.28.3 Departementets vurderingar

Gjeldande jordskiftelov § 34 b andre ledd fastset  
at kvar av deltakarane i laget svarer i høve til tredje-  
mann etter sitt høvetal, jf. §§ 27, 28 og 42 tredje  
ledd. Det går fram av gjeldande jordskiftelov § 42  
tredje ledd at kostnadene med det enkelte investe-  
ringstiltaket skal delast etter den nytten den  
enkelte parten har av det, og at retten elles skal ta  
dei avgjerdene som er nødvendige for gjennomfø-  
ring og framtidig bruk.

Departementet er ikkje samd med arbeids-  
gruppa og høyringsinstansane i at det bør vere ein  
fellesregel i ny jordskiftelov om ansvarsdeling,  
kostnadsfordeling og fordeling av inntekter i lag  
som jordskifteretten har etablert. Det gjeld ulike  
tema, og departementet meiner dei er så ulike at

dei bør behandlast i ulike reglar slik løysinga er i gjeldande jordskiftelov.

Departementet foreslår at kostnader ved investeringstiltak bør delast etter nytten kvar part har av tiltaket. Slik er regelen i dag, sjå gjeldande jordskiftelov § 42 tredje ledd. Forslaget går fram av lovforslaget § 3-28. Høyringsforslaget inneheld òg eit forslag om ein ny regel som inneber at inntekt skal delast etter nytte. Departementet kan ikkje sjå at det er behov for ein bindande regel om korleis inntekt skal delast, og foreslår ingen slik regel.

Departementet foreslår vidare som gjeldande jordskiftelov § 34 b, at når jordskifteretten skipar lag etter lovforslaget § 3-10, svarer kvar av deltakarane i laget overfor tredjemann etter partshøvet i laget. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 3-29.

## 8.29 Fordeling av planskapt netto verdiauke

### 8.29.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-15 å føre vidare reglane i jordskiftelova § 2 første ledd bokstav h og i om lag med det same innhaldet som i gjeldande jordskiftelov. Arbeidsgruppa foreslår likevel at gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav i skal bli eit vanleg verkemiddel i jordskifte i høyringsforslaget § 3-6. Sjå drøfting av dette i kapittel 8.10.3. I tillegg til dette foreslår arbeidsgruppa å endre vilkåra for å reise sak. Sjå drøfting av dette i kapittel 6. Høyringsforslaget inneheld òg nokre endringsforslag knytt til reglane i jordskiftelova § 2 første ledd bokstav h som gjeld fordeling av planskapt netto verdiauke.

Arbeidsgruppa foreslår å oppheve vilkåret i gjeldande jordskiftelov § 28 tredje ledd om at kvar part skal få sin del av verdiauken.

I høyringsforslaget blir avgrensinga av reguleringsformål til å gjelde område for bygging og anlegg etter plan- og bygningslova §§ 11-7 nr. 1 og 12-5 nr. 1 ført vidare. Avgrensinga av kva for område fordeling av planskapt verdiauke kan skje innanfor, fører arbeidssgruppa også vidare. Fordelinga skal kunne gjerast innanfor reguleringsplanområdet. Arbeidsgruppa foreslår at jordskifteretten i ny jordskiftelov skal ta utgangspunkt i dei eigenskapane eigedommen har til utbyggingsformål. Dette gjeld anten eigedommen er planlagt brukt til utbygging, eller til andre formål. Ut over dette foreslår arbeidsgruppa å føre vidare at netto verdiauke skapt av utbyggingsplanen primært

skal leggjast ut som heile utbyggingsrettar (tomter).

Etter høyringsforslaget § 3-18 tredje ledd foreslår arbeidsgruppa at verdsetjinga i sak etter høyringsforslaget § 3-15 skal byggje på dei eigenskapane eigedommane har til utbyggingsformål.

### 8.29.2 Høyringsinstansane

I uttalane frå høyringsinstansane er langt på veg alle spørsmåla knytt til dei såkalla «urbane jordskifte» tekne opp samla. Det vil seie at uttalane gjeld vilkåra for å reise sak, kompetansen jordskifteretten bør ha anten etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstavane h eller i, verdsetjinga og fordelinga av sjølv verdiauken. Departementet har valt å trekkje omtalen av høyringsinnspela inn samla i kapitlet her. Departementet har valt dette mellom anna fordi ein del av spørsmåla som er tekne opp har samanheng med kvarandre. I den mon det er aktuelt å trekkje inn høyringsinnspela i andre kapittel, blir det vist til referata her.

*Miljøverndepartementet* gir uttrykk for at det vil vere behov for presiseringar og rettleiing, særleg overfor kommunane. *Fylkesmannen i Rogaland* viser til at det er positivt at det blir fokusert på å forenkle reglane om urbant jordskifte, jf. gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstavane h og i. Forenkling vil kunne føre til betre plan- og utbyggingsløysingar i urbane område. Fylkesmannen peiker samtidig på at det er ein føresetnad for å oppnå slike løysingar at det er ressursar og kapasitet nok i jordskifterettane til å behandle sakene innan rimeleg tid.

*Domstoladministrasjonen (DA)* uttaler til høyringsforslaget § 3-3:

«§ 3-3 skal sikre at ingen skal lide tap ved jordskifte, altså tapsfraværsgarantien. Dette er et grunnleggende prinsipp ved jordskifte. Samtidig er det et overordna mål at alle som er en del av jordskifte skal få en del av skiftegevinsten. DA stiller difor spørsmål om det er nødvendig med en slik presisering for saker etter § 3-15, jfr. utkastets andre ledd. Samtidig er andre ledd utformet slik at hver part skal få være sikret en matematisk del av nytten. Dette innebærer at nytten må identifiseres og estimeres for den enkelte, før en kan føre regnskap som viser fordelingen av nytten. Dette innebærer en vesentlig videreutvikling av den metoden som en i dag benytter ved jordskifte. Samtidig kan en heller ikke se bort fra at et slikt krav vil føre til stort ressursbruk i å dokumentere nytten ved jordskifte.»

*Stavanger kommune* deler synet til arbeidsgruppa på fordelane ved bruk av urbant jordskifte. Kommunen viser til at det er ønskeleg med reglar som gjer jordskifte praktisk for å iverksetje utbyggingsprosjekt etter godkjent reguleringsplan. Det kan blant anna føre til færre ekspropriasjonssaker, og kan forhåpentleg byggje på ein enkel, oversiktleg og rimeleg prosess for dei som er involverte. Kommunen ser det som positivt at reglane blir utforma slik at ein enkelt part som eig eit mindre areal ikkje kan stoppe jordskifte om eit fleirtal av dei andre grunneigarane er samde i. Det er ein føresetnad for dette at ein tek vare på rettstryggleiken for kvar enkelt og ser til at det er mogleg for dei å ta vare på interessene sine. Kommunen peiker på at jordskifte i urbane strok òg vil gjelde for utbyggjarar som ikkje er profesjonelle, og som i liten grad er kjente med rettsinstituttet. Kommunen konkluderer slik:

«Stavanger kommune stiller seg positiv til en forenkling av reglene om urbant jordskifte, inklusive en omfattende endring eller fjerning av minstekravene til enighet. Dette forutsetter at andre skranker sikrer tilstrekkelig rettssikkerhet. Spranget synes likevel stort når man fjerner alle skranker unntatt verdiregelen, samtidig som kretsen av rettssubjekter som kan kreve urbant jordskifte utvides betydelig. Vi går ut fra at konsekvensene av de foreslåtte endringene vil bli godt belyst i det videre lovarbeidet.»

*Tekna* støttar forslaget om å fjerne kravet til kvalifisert fleirtal for å krevje jordskifte etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstavane i og h, og uttaler om dette:

«Sakstypen anses som et svært kraftfullt virkemiddel for å tilrettelegge for en rasjonell arealbruk og dermed verdiøkning for partene. Det at disse sakene kan kreves på vanlig måte, antas å kunne føre til at det vil kunne komme flere av disse sakstypene.»

*Direktoratet for Naturforvaltning* meiner òg det er ønskeleg å behalde reglar om jordskifte som kan sikre at verdiforskjellar eller eigedomsgrenser ikkje hindrar utvikling av grønnstruktur i byggeområde.

*Fylkesmannen i Hordaland* er positiv til at høyringsforslaget legg opp til å fremje meir bruk av urbant jordskifte.

Frå jordskiftemiljøa er det fleire uttalar som gjeld høyringsforslaget § 3-3 andre ledd. Paragra-

fen gjeld fordelinga av verdiauken i jordskifteområdet. Uttalane kjem frå *Domstoladministrasjonen (DA)*, *jordskifteoverrettane*, *jordskifterettane* og *jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme*, *jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme*, *jordskifterettane i Agder jordskiftedømme*, *jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* og *jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme*. I fleire av uttalane blir det sagt at føresegna bør sløyfast i ny jordskiftelov.

Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme uttaler for eksempel i samband med høyringsforslaget § 3-3 andre ledd:

«Andre ledd bør slettes. Utbyggingsverdier som er fordelt i reguleringsplan, vil normalt ikke kunne omfordeles. Utbyggingsarealer kan byttes. Utbyggingsverdier kan normalt ikke omfordeles, men de medfører høyere verdi (innhav) før endring. Krav om sak etter § 3-15 må difor som hovedregel settes fram før reguleringsplanen blir vedtatt; før verdiene blir fordelt. Når verdiene er fordelt, vil det normalt være for seint og de aktuelle virkemidler blir sak etter §§ 3-6 til 3-14.

Jordskiftekravet kan settes fram etter at reguleringsplanen er vedtatt dersom det med hjemmel i § 12-7 (13) i plan- og bygningsloven er stilt vilkår om fordeling av utbyggingsverdier ved jordskifte.

Etter skifte skal eiendommen få igjen areal og retter som tilsvarer verdi før skifte. (Se nederst på side 126 og øverst på side 127 i høyringsnotat.) Ved fordeling av penger vil den enkelte få sin del. Det er areal, og kanskje rettigheter, som er vanskelig å fordele etter innhav. Ved omforming av eiendommer gjelder § 3-3 første ledd. Sikkerheten mht fordeling av utbyggingsverdier framgår av § 3-17 og eventuelt § 3-24 første ledd. Andre ledd tyder på at verdsettingen skjer i to omganger. Det er ikke utviklet metodikk for dette. Andre ledd kan snarere bli en matematisk øvelse – enn en garanti mot skjevdeling av gevinster. Andre ledd bør slettes.»

Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme støttar forslaget om å fjerne dagens krav om 2/3 fleirtal, jf. § 5, 2. ledd. Dommarane etterlyser samstundes ei drøfting av konsekvensane av forslaget. Dei viser til at sak etter høyringsforslaget § 3-15 ikkje skal kunne gjennomførast utan at det i planen er teke inn vilkår om at verdiane skal fordelast av jordskifteretten. Dommarane peiker på at det i dag er politikarane som gjennom planvedtak

fordeler arealverdiar. Dei saknar difor ei drøfting av konsekvensane av å fjerne vilkåra i § 5 i dagens lov. Dommarane meiner at sak etter høyringsforslaget § 3-15, jf. § 3-20, utan tilhøyrande vilkår om fordeling i planen, kan minne om ekspropriasjon. Medan eit ekspropriasjonsskjønn blir gjennomført på bakgrunn av eit vedtak om ekspropriasjon, vil ei sak etter høyringsforslaget § 3-15 bli gjennomført direkte på bakgrunn av ein lovregel. Dommarane stiller seg tvilande til at det er rett å innføre ei slik moglegheit.

Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme har òg nokre merknader til detaljar i forslaget. Når det gjeld høyringsforslaget § 3-3 andre ledd saknar dei ei vidare drøfting av «sin del». Når det gjeld høyringsforslaget § 3-15 uttaler dei at formuleringa «I byggeområde» i overskrifta må fjernast fordi det er villeiande. For å hindre at jordskifteretten blir eit politisk organ, ønskjer dei at det skal vere eit klart vilkår i lova om at fordeling etter høyringsforslaget § 3-15 berre kan gjennomførast av jordskifteretten dersom det er sett vilkår om slik fordeling i planen. Dei foreslår slik lovtekst:

«§ 3-15 Fordeling av planskapt arealverdier og kostnader ved fellestiltak

Jordskifteretten kan fordele planskapt arealverdier og kostnader ved ulike felles tiltak i og for område for bebyggelse og anlegg etter § 11-7 nr. 1 og § 12-5 nr. 1 i plan- og bygningsloven, dersom det er satt vilkår om slik fordeling i planen, jfr. pbl § 12-7 nr. 13.»

Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme meiner at høyringsforslaget § 3-3 andre ledd bør gå ut. Jordskifterettane uttaler om dette:

«Det bør ikke stilles spesielle krav til fordeling av nytte i urbane områder. Dette må jordskifteretten vurdere skjønnsmessig som i alle andre jordskiftesaker. Det vil være arbeidskrevende og vanskelig å tallfeste nytten. Vi kan ikke se at det er grunner for å ha særregler for nyttefordelingen i urbane områder.»

Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme viser elles til at høyringsforslaget § 3-15 er i samsvar med «Veileder om jordskiftevirkemidler i byer, tettsteder og hytteområder» utarbeidd av Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet, og reglane i ny plan- og bygningslov. Jordskifterettane foreslår at departementet set ned ei breitt samansett arbeidsgruppe for å gjere regelen brukeleg i praksis. Blant anna bør utbyg-

gjarar og jordskiftedommarar vere med i ei slik arbeidsgruppe. Jordskifterettane peiker på at regelen har ein god intensjon, og at det er et stort behov for reglane, men dei lir av fleire svakheiter. Blant anna vil verdsetjinga skape store utfordringar. Reglane må utformast slik at dei blir enkle og forutbereknlege.

Jordskifterettane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme foreslår òg å ta ut andre ledd i høyringsforslaget § 3-3 andre ledd. Jordskifterettane og jordskifteoverdommaren viser til at det er eit mål for alle som arbeider med jordskifte å la flest mogleg ta del i skiftenytten. At ein bevisst skal la ein part få all nytte, høyrer ikkje med til det normale. Den regelen som er foreslått i andre ledd fører til at kvar part får eit lovsikra krav på ein matematisk del av nytten. Det fører til at nytten må identifiserast og estimerast i kvart enkelt tilfelle, før ein kan føre rekneskap som viser fordelinga av nytten. Det vil krevje ei vesentleg vidareutvikling av metoden ein så langt har nytta ved jordskifte. Jordskifterettane og jordskifteoverdommaren vil heller ikkje sjå vekk frå at eit slikt krav vil føre til ein stor ressursbruk i å dokumentere nytten ved eit jordskifte. Jordskifterettane og jordskifteoverdommaren peiker elles på at det er eit spørsmål om ordet «gjennomført» i høyringsforslaget § 3-3 er presist nok. Uttrykket kan tolkast slik at avgjerder fastsett i jordskifte ikkje kan gjennomførast, for eksempel nokre år etter at jordskiftet er avslutta. Ordet «gjennomført» bør erstattast med for eksempel «avslutta» eller «vedteke». Det sentrale må vere å fastsetje avslutningsdatoen for jordskiftesaka, som skjeringpunktet for vurderinga av vilkåret i høyringsforslaget § 3-3.

Jordskifterettane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme stiller dessutan spørsmål ved om forslaget til å ta bort kravet til semje eller to tredjedels fleirtal er ei for radikal endring. Jordskifterettane og jordskiftedommaren uttaler om dette:

«Kravet om semje/totredjedels fleirtal er erstatta av at krav om jordskifte no kan krevjast av ein grunneigar åleine (§ 6-4) eller av tiltakshavar med heimel til ekspropriasjon til tiltak eller og anlegg (§ 6-5), typisk godkjend reguleringsplan. Lovforslaget er relativt radikalt på dette punktet og «forenklinga» må etter vårt syn medføre at desse sakene no kjem inn i saksmassen i større grad.

Vi finn grunn til å sette spørsmålsteikn om lovforslaget er meint å vere så radikalt som det kan lesast; at alle (grunneigarar/tiltakshava-

rar) kan krevje sak etter § 3-15 (alternativt «reparasjon» etter § 3-6) med basis i godkjent reguleringsplan. Eller om desse verkemidla berre er meint i dei tilfella kor kommunen har satt krav om fordeling av arealverdiar, jf pbl § 12-7 nr 13 (reguleringsbestemmelser).

Generelt meiner vi det er mange overordna samfunnsomsyn som talar for ei meir effektiv gjennomføring av offentleg godkjende planar enn dagens system kor ekspropriasjon sjeldan eller aldri blir teke i bruk. Jordskifte kan for mange grunneigarar oppfattast som eit sterkt inngrep, nesten på linje med ekspropriasjon. Arbeidsgruppa har vore innom skilnadane mellom verkemidla jordskifte kontra ekspropriasjon. Vi trur lova, partane og jordskifterettene vil vere tent med ei enda meir grundig rettspolitisk vurdering av desse forholda i forarbeida til ny lov. Konkret bør det då vurderast om ikkje saker etter § 3-15 burde ha den skranke at kommunen har satt krav om fordeling av arealverdiar, jf pbl § 12-7 nr 13.»

Ut over dette viser jordskifterettane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme til at høyringsforslaget §§ 3-6, jf. 3-4 kan tolkast slik at det vil mangle heimel for at jordskifte kan omfatte utenlege eigedoms- og bruksrettshøve som vil oppstå som følgje av godkjend reguleringsplan. Slik heimel finst i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav i.

*Sør-Trøndelag jordskifterett* viser til at verdsetjing vil vere utfordrande i saker etter høyringsforslaget § 3-15.

Jordskifteoverrettane kjem med ein uttale som ordrett er lik uttalen frå jordskifterettane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme.

Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme uttaler at høyringsforslaget § 3-3 andre avsnitt bør fjernast. Jordskifterettane viser til at utbyggingsverdien kan vere fordelt i samband med reguleringsplanen slik at det ikkje er noko å fordele ved jordskifte, eller at ein eigedom er uendra før og etter jordskiftet. Ei føresegn om at eigdommen likevel skal få sin del av verdiauken vil da bli ein skranke som gjer at slike saker ikkje kan behandlast.

*Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap* etterlyser kommentarar til tilhøvet mellom høyringsforslaget §§ 3-15 og 3-4 andre ledd og plan- og bygningslova. Instituttet peiker elles på at forslaget om å fjerne kra-

vet om semje eller kvalifisert fleirtal kan ha ein utilsikta verknad for avgrensinga av skiftefeltet, og stiller òg spørsmål ved om forslaget går for langt av andre grunnar. Instituttet uttaler om dette:

«Forslaget om også for urbant jordskifte å operere med de alminnelige vilkår for fremme av sak er fornuftig for de tilfeller hvor det i planen er gitt bestemmelser om jordskifte. Dette bidrar til sammenheng mellom plan og gjennomføring, og bidrar sannsynligvis til en hensiktsmessig avgrensning av skiftefeltet. Å fjerne vilkåret i dagens jordskiftel. § 5 om enstemmighet ved fremme av krav hvor det ikke er gitt bestemmelser om jordskifte i plan, anses ikke som en god løsning. Man får ingen klar avgrensning av skiftefeltet. Avgrensning basert på «område for bebyggelse og anlegg etter § 11-7 nr. 1 og § 12-5 nr. 1 i plan- og bygningsloven.», synes i så henseende utilstrekkelig. Et krav om enstemmighet, eller kvalifisert flertall, vil fungere avgrensende.

Arbeidsgruppa anfører vidare at alle parter bør komme bedre ut ved realisering av godkjent plan ved et jordskifte. I motsetning til de øvrige jordskiftevirkemidler er det her tale om en fordeling av utbyggingsverdier «gitt» en eller flere grunneiere i planen. Hvis arbeidsgruppa har rett i at noen av partene kommer bedre ut ved jordskifte enn ekspropriasjon, er det kanskje grunn til å stille spørsmål ved om til eksempel tiltakshaveren(e) kan komme dårligere ut? Dette er et argument for å videreføre gjeldende ordning med krav om enstemmighet, i de tilfeller hvor kommunen ikke har stilt krav om fordeling.»

Ut over dette peiker Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap på at reglane om urbant jordskifte er kompliserte. Det er vanskeleg å sjå for eksempel korleis verdsetjing skal gjennomførast i slike saker. Instituttet anbefaler at det bør setjast ned eit utval for å greie ut reglane nærare.

I samband med høyringsforslaget § 3-4 viser *Jernbaneverket* til at sjølv om omgrepet «bebyggelsesplan» er oppheva i ny plan- og bygningslov, vil dei tidlegare vedtekne bebyggelsesplanane framleis gjelde fram til dei blir endra. Jernbaneverket etterlyser ein kommentar til dette i førearbeida til føresegna.

### 8.29.3 Departementets vurderingar

#### 8.29.3.1 Hovudgrep

I Meld. St. nr. 9 (2011–2012) Velkommen til bords er det lagt til grunn at arbeidet til jordskifterettane i urbane område bør effektiviserast, og at krava til å setje i gang sak bør forenklast. Departementet foreslår at jordskifteretten òg etter ny jordskiftelov skal kunne avgjere sak om fordeling av planskapt netto verdiauke, sjå gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav h, og lovforslaget kapittel 3 del V. Det er omtale av slik planskapt netto verdiauke som i hovudsak er behandla i kapitlet her. Departementet foreslår òg at jordskifteretten skal kunne reparere ulemper som er skapt gjennom ein plan etter plan- og bygningslova. Slik sak er likevel å rekne som eit vanleg jordskifte, og forslag knytt til dette er behandla i kapittel 8.10.3. Drøftinga av korleis kravskompetansen bør vere i dei to sakstypene går fram av kapittel 6.5. I den grad det er nødvendig å sjå endringsforslaga i samanheng, er òg dette gjort i kapitlet her. Det er først og fremst aktuelt for å vise hovudgrepa som ligg i forslaga.

Gjeldande reglar blei innførte ved ei lovending i 2006. Reglane blei justert noko i samband med ny planlov som blei vedteken i 2009. Reglane legg til rette for at kommunalt vedtekne planar kan setjast i verk. Dette er eit viktig samfunnsbehov. Endringsbehovet for reglane er knytt til at dei ikkje er enkle nok å bruke i dag. Lovforslaget og høyringsforslaget byggjer på at reglane må bli enklare slik at dei òg kan bli enklare å bruke. Fleire høyringsinstansar, mellom dei Fylkesmennene i Rogaland og Hordaland, Stavanger kommune, Tekna, jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme og Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap støttar høyringsforslaget som byggjer på at det er behov for forenkling. Departementet er elles samd med Fylkesmannen i Rogaland i at det òg vil vere viktig at det er ressursar og kapasitet nok i jordskifterettane rundt om i landet til å ta unna desse sakene innan rimeleg tid.

Departementet har merka seg at jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme og Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap meiner det er nødvendig at eit utval ser nærare på føresegnene om jordskifte etter dei aktuelle reglane før det kan gjerast lovendingar. Departementet er ikkje samd i dette. Reglane er relativt nye, og er blitt til etter omfattande utgreiingsarbeid med brei samansetjing slik desse høyringsinstansane no foreslår. Erfaringane frå konkrete saker, høyringsforslaget

og høyringsuttalane utgjer etter departementets syn til saman eit godt grunnlag for å foreslå lovendingar òg på dette området.

Gjeldande reglar går fram av jordskiftelova § 2 første ledd bokstavane h og i (kompetansen til jordskifteretten), § 3 bokstav b (vilkår for fremje av jordskifte at kvar eigedom får sin del av verdauken), § 5 andre til femte ledd (kven som kan krevje sak), § 25 (avgrensinga av skiftfeltet), § 26 første ledd tredje punktum (korleis eit krav som er sett fram kan endrast), § 28 tredje og fjerde ledd (korleis verdiane skal skiftast mellom partane), § 29 a (at verdiauken skal leggjast ut anten som areal eller pengar). I tillegg til dette er det teke inn ein regel i plan- og bygningslova § 11-8 tredje ledd bokstav e som gir kommunen heimel til å fastsetje soner i kommuneplanen med krav til felles planlegging for fleire eigedommar blant anna med særlege samarbeids- eller eigarformer samt omforming og fornying. Det er òg teke inn ein heimel i plan- og bygningslova § 12-7 nr. 13 om at kommunen i reguleringsplan kan fastsetje at fordeling av arealverdiar og kostnader ved felles tiltak innanfor planområdet berre kan skje etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav h.

Departementet foreslår fleire forenklingar av dei aktuelle føresegnene. Som eit hovudgrep i forenklinga foreslår departementet å oppheve dei fleste spesialreglane som gjeld for slike saker. Jordskifte etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav i, går da inn som eit vanleg verkemiddel i jordskifte, sjå kapittel 8.10.3. Det vil ikkje lenger vil vere spesialreglar i den nye jordskiftelova i slike saker. For gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav h, meiner departementet at det framleis vil vere behov for spesielle reglar. Sjølv om departementet ikkje har følgd forslaga i høyringsforslaget fullt ut, byggjer hovudgrepet som er skissert her på det same utgangspunktet som i høyringsforslaget.

I lovforslaget § 1-5 foreslår departementet den same løysinga som i høyringsforslaget. Det inneber at ein tek bort dei særlege krava til kvalifisert fleirtal for å kunne krevje fordeling av planskapt netto verdiauke. Etter lovforslaget er det nok at ein krev slik fordeling, sjå drøfting i kapittel 6.5.

I forslag til endring i plan- og bygningslova § 12-7 nr. 13 foreslår departementet at planmyndigheita konkret må fastsetje kva for område fordelingsjordskiftet skal gjennomførast i, jf. lovforslaget § 3-30 tredje punktum. Planmyndigheita må i tillegg fastsetje at den planskapte verdiauken skal fordelast etter lovforslaget § 3-30 andre punktum.



Når fordeling av planskapt netto verdiauke ikkje skal reknast som eit vanleg jordskifte og er teken ut i ein eigen del i lovforslaget kapittel 3, betyr det blant anna at vilkåret i lovforslaget § 3-18 ikkje gjeld for fordeling av planskapt netto verdiauke. Konkret vil vilkåra for sak vere at planmyndigheita har stilt krav om slik sak, at området saka gjeld er fastsett av kommunen i reguleringsplan, og at fordelinga skjer mellom eigedommar som er omfatta av reguleringsplanen.

Departementet foreslår òg andre endringar. Departementet kjem nærare inn på dei forskjellige forslaga nedanfor.

#### 8.29.3.2 *Jordskifteretten sin kompetanse til å fordele planskapt netto verdiauke*

Etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav h kan jordskifteretten fordele arealverdiar og kostnader ved ulike sams tiltak i og for område for bygging og anlegg etter plan- og bygningslova §§ 11-7 nr. 1 og 12-5 nr. 1.

#### *Tilhøvet mellom jordskifte og fordeling av planskapt netto verdiauke*

Kompetansen jordskifteretten har etter gjeldande jordskiftelov er knytt til at anten ein reguleringsplan eller kommuneplan gjer det aktuelt å setje i verk sams tiltak. I sak etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav h er det planen som fastset kva eigedommane kan brukast til i framtida, og kva for tiltak som er aktuelle for å få dette til. Eigedommane er ikkje nødvendigvis vanskelege å bruke fordi dei som eit utgangspunkt kan brukast på same måten som før planen blei vedteken. Det følgjer likevel av gjeldande jordskiftelov § 5 at dersom alle eigarane er samde om det, eller dersom eigarane av minst 2/3 av eigedommane er samde og arealet deira utgjer 2/3 av totalarealet, kan dei krevje sak for jordskifteretten. Heimelen i gjeldande jordskiftelov gir da jordskifteretten kompetanse til å påleggje tiltaket, og til å fordele arealverdiar og kostnader ved tiltaket.

Departementet legg til grunn at jordskifteretten vil kunne behandle sak om planskapt netto verdiauke saman med andre krav som er sett fram. Det vil avhenge av krava som er sett fram i saka kva jordskifteretten kan behandle. Eksempel kan vere krav om ny utforming av eigedom etter lovforslaget § 3-4, krav om grensefastsetjing etter lovforslaget kapittel 4, eller krav om skjønn eller andre avgjerder etter lovforslaget kapittel 5.

I eit jordskifte kan jordskifteretten påleggje sams tiltak og felles investeringar, mellom anna med heimelen i jordskiftelova § 2 første ledd bokstav e for å bøte på det partane har teke opp som utenleg. Heimelen for jordskifteretten til å gjere dette er gjort generell og foreslått ført vidare i lovforslaget § 3-9 pålegg om felles tiltak og pålegg om felles investeringar. Etter departementets syn dekkjer denne heimelen behovet partane har for eit pålegg om å iverksetje tiltak etter plan- og bygningslova. Det er eit vilkår at det er påreknelig at eigedommar som kommunen har regulert med krav om fordeling av arealverdiar og kostnader vil bli vanskeleg å bruke som følgje av det aktuelle tiltaket. Departementet foreslår såleis ingen eigen heimel for å påleggje sams tiltak eller felles investeringar i samband med planskapt framtidige tiltak.

Behovet for ein eigen heimel for kva jordskifteretten skal gjere i desse tilfella gjeld såleis oppgåva jordskifteretten har til å fordele verdiauke som planen har skapt. Dette er etter departementets syn ikkje eit ordinært jordskifte. Verdsetjings- og fordelingsspørsmåla som er aktuelle, er annleis enn ved andre jordskiftesaker. Vilråa for jordskifteløysinga i lovforslaget kapittel 3 del IV er for eksempel ikkje aktuelle. Departementet har med dette som bakgrunn valt å trekkje sakstypen ut i ein eigen del, jf. lovforslaget kapittel 3 del V.

#### *Fordeling av planskapt netto verdiauke*

Etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav h skal jordskifteretten fordele arealverdiar og kostnader. Når heimelen for å påleggje felles tiltak og felles investeringar er å finne i lovforslaget § 3-9, er formuleringa «fordeling av planskapt netto verdiauke» ikkje heilt dekkjande. Det sakstypen gjeld er fordeling av planskapt netto verdiauke mellom eigedommar. Det vil seie overføring av framtidige verdiar frå eigedommar som har ein planskapt netto verdiauke til eigedommar som ikkje har slik verdiauke, men som har areal som går inn under planen. I mange tilfelle skal eigedom med liten eller ingen planskapt netto verdiauke nyttast til felles tiltak som må til for å iverksetje planen. Eksempel på tiltak kan vere veg, teknisk infrastruktur og liknande. Departementet foreslår at dette går tydeleg fram av overskrifta til lovforslaget kapittel 3 del V, og av lovforslaget § 3-30 første punktum som fastset at jordskifteretten kan fordele planskapt netto verdiauke mellom eigedommar.

*Rollefordeling mellom planstyresmakt og jordskifterett*

Departementet meiner det er behov for å klargjere rollefordelinga mellom planmyndigheitene og jordskifteretten betre enn i dag med sikte på at jordskifteretten skal kunne gjere oppgåva si som domstol.

Ein kommuneplan etter kapittel 11 i plan- og bygningslova kan innehalde omsynssoner etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav e. Da har kommunen pålagt felles planlegging for fleire eigedommar, til dette særlege samarbeids- eller eigarformer, samt omforming og fornying. Kommunen kan fastsetje at fleire eigedommar i eit område skal planleggjast felles, og at det skal brukast særlege verkemiddel ved iverksetjinga av planen. Ei slik omsynssone er likevel ikkje nødvendig, fordi det uansett må til ein reguleringsplan for å fastsetje krav om fordeling av arealverdiar og kostnader. Heimelen for dette er fastsett i plan- og bygningslova § 12-7 nr. 13 der det går fram at kommunen i nødvendig utstrekning kan fastsetje krav om fordeling av arealverdiar og kostnader ved ulike felles tiltak innanfor planområdet. Kommunen kan òg etter plan- og bygningslova § 12-7 nr. 14 i nødvendig utstrekning fastsetje kva for areal som skal vere til offentlege formål eller til fellesareal.

Reglane er ikkje enkle å forstå. Dei byggjer på ei rollefordeling der kommunen som planmyndigheit fastset kva areala kan brukast til i framtida. Kommunen fastset òg om det skal setjast vilkår for den framtidige bruken. Vilkåret er at verdiauken som er resultat av areal- eller reguleringsplanen skal fordelast mellom alle eigarane i planområdet. Vilkåret vil få noko å seie blant anna for eigarar eller andre rettshavarar som får sin eigedom utlagt som fellesareal. Dei vil få ein del av verdiauken frå andre eigedommar som kan utnyttast til formål som kastar meir av seg. Dersom kommunen har fastsett dette i planen, kan jordskifteretten etter krav frå eigarane halde jordskifte etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav h. Departementet meiner dette innhaldet bør gå klarare fram både av jordskiftelova og plan- og bygningslova. I den nye jordskiftelova bør det gå fram at vedtaket i kommunen avgrensar kva for eigedommar eller areal fordelingsjordskifte kan gjelde for. I plan- og bygningslova viser regelen kven som fastset dei eigedommane ei sak om fordeling kan gjelde for. Departementet foreslår at rollefordelinga skal gå fram ved at lovforslaget § 3-30 første punktum viser kva som er oppgåva til jordskifteretten. Oppgåva til jordskifteretten er å fordele planskapt netto verdiauke mellom eige-

dommar som er regulerte i reguleringsplan. I andre og tredje punktum går det fram kva planmyndigheita må ha teke stilling til for at jordskifteretten kan behandle saka. Kompetansen til planmyndigheita går fram av reglane i plan- og bygningslova, sjå forslaget til endring av plan- og bygningslova § 12-7 nr. 13.

*Vilkår for kompetansen til jordskifteretten*

Etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav h kan jordskifteretten fordele arealverdiar og kostnader «i og for område for bebyggelse og anlegg» etter plan- og bygningslova §§ 11-7 nr. 1 og 12-5 nr. 1. Kva som er i og for område for bygging og anlegg kan framstå som noko uklart. Det blir da uklart kva for geografisk område jordskifteretten kan trekkje inn i ei sak. Jordskifteretten må i nokon mon sjølv gjere denne avgrensinga. I Ot.prp. nr. 32 (2007–2008) heiter det om tolkinga av uttrykket «sams tiltak innafør byggeområdet» i jordskiftelova at:

«Det må dreie seg om et formål som skal tjene byggeområdet. Normalt vil friluftareal og offentlig friområde som park og turvei falle utenfor, fordi slike arealer som regel er begrunnet i andre og mer vidtfavnende hensyn enn primært å betjene det byggeområdet som planen omfatter. Dersom det av planen framgår av planpremissene at det dreier seg om et lokalt friområde, må likevel det lokale friområdet betraktes som et «sams tiltak». I et slikt tilfelle vil det likevel normalt være mer treffende og hensiktsmessig å angi arealet som «fellesområde «i planen. Også offentlig veg vil være et «sams tiltak «dersom det gjelder en veg som faller inn under opparbeidelseskravet i gjeldende plan- og bygningslov § 67. Det samme gjelder parkbelte i industriområde, samt arealkategorien «fellesområder» som nevnt i gjeldende lov § 25 første ledd nr. 7. Tjener infrastrukturen formål som er mer vidtfavnende, for eksempel samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, faller den utenfor.»

I forarbeida til endringa i plan- og bygningslova § 12-7 nr. 13 heiter det i Ot.prp. nr. 32 (2007–2008) side 235:

«Fordeling av arealverdier og kostnader for tiltak innenfor planområdet skal etter jordskifteloven § 2 første ledd bokstav h skje innenfor område til bebyggelse og anlegg slik dette er definert i plan- og bygningsloven § 11-7 første

ledd nr. 1 og § 12-5 andre ledd nr. 1. Dette området omfattar blant annet grønnstruktur og grøntområde i tilknytning til byggeareal. Uttrykket i jordskifteloven omfattar dermed på same måte som uttrykket i denne loven, de arealer som skal bebyggjes, samt tilhørende infrastruktur. Er infrastrukturen lagt ut til andre formål, for eksempel samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, faller den utenfor. Det vises til nærmere omtale i merknaden til § 35-1 Endring av andre lover nr. 7 om endring i jordskifteloven.»

Sett frå ståstaden til kommunen, dekkjer «kanreglane» som er knytt til plan- og bygningslova §§ 11-8 bokstav e og 12-7 nr. 13 truleg behovet for å avgrense området saka gjeld reint geografisk. I praksis vil avgrensinga av dei partane som vil kunne vere med på jordskiftet etter gjeldande jordskiftelov skje ved avveginga av kven som har kravskompetanse etter gjeldande jordskiftelov § 5. Heller ikkje for jordskifterettane vil truleg avgrensinga av det geografiske området vere eit problem etter gjeldande reglar. I kapittel 6.5 foreslår departementet å fjerne krava om semje eller kvalifisert fleirtal. Kven som kan krevje sak går fram av lovforslaget § 1-5. Departementet er samd med Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap i at om krava blir fjerna, kan det føre til at det blir uklart kven som kan trekkjast med i ei sak om fordeling av planskapt netto verdiauke. Dette er uheldig, men kan avbøtast ved at planmyndigheita fullt ut har hand om avgrensinga av det geografiske området for saka. Ei slik løysing fører til at området saka gjeld kan avgrensast uavhengig av eigedomstilhøva i området, og planmyndigheita kan sjå til at planen oppfyller dei mål som gjeld for arealbruken. Planvedtaket har ofte stor innverknad på arealverdien i planområdet fordi vedtaket avgjer kva for delar av planområdet som blir byggetomt, og kva for delar som blir mindre intensivt utnytta med tilsvarende lågare salsprispotensiale. Forslaget til løysing fører til at det er planvedtaket som legg grunnlaget for verdiauken. Det vil ikkje lenger vere eit vilkår for avgrensinga av kompetansen jordskifteretten har at eigedommane som blir del av fordelingssaka skal «tene» eit byggjeområde. Det er nok at eigedommane ligg innanfor det regulerte området der kommunen har fastsett at det skal skje ei fordeling av verdiauken. Oppgåva til jordskifteretten blir da å fastsetje verdiauken og flytte delar av verdiauken frå eigedommar som har ein planskapt netto verdiauke til eigedommar som ikkje har planskapt netto verdi-

auke, men som har areal som går inn under planen. Sjå nærare om dette i spesialmerknaden til lovforslaget § 3-30.

Departementet er samd med det Direktoratet for Naturforvaltning uttaler om omsynssoner. Slik departementet forstår plan- og bygningslova § 12-5 første ledd, må planmyndigheita kunne fastsetje at omsynssoner skal trekkjast inn i det området fordelinga skal skje innanfor. Departementet meiner likevel at avgrensinga av området for fordeling vil bli klarare dersom avgrensinga skjer i reguleringsplanen. Departementet foreslår ei løysing som byggjer på dette.

Forslaget utvidar kompetansen jordskifteretten har i den grad kommunen som planmyndigheit vel å fastsetje at det skal skje ei fordeling i heile reguleringsområdet i samband med regulering til utbygging. Samstundes innskrenkar forslaget kompetansen slik at jordskifteretten ikkje lenger har slik kompetanse i ein kommuneplan, berre dersom arealet er regulert i ein reguleringsplan. Innskrenkinga har ikkje vore på høyring, og er heller ikkje kommentert i høyringsinnspela. Departementet meiner likevel at kommuneplanen vil vere ein så overordna plan at han ikkje er eigna for å avgrense området for sak om fordeling av planskapt netto verdiauke på ein tenleg måte. Sjå mellom anna omtalen i kapittel 8.29.3.3 av korleis jordskifteretten skal verdsetje planskapt netto verdiauke.

Departementet foreslår dessutan ein regel i jordskiftelova § 3-30 tredje punktum om at kommunen gjennom reguleringsplanen må ha fastsett den geografiske avgrensinga av området for fordeling. Med ny regel blir det kommunen som må vurdere den geografiske avgrensinga, ikkje jordskifteretten. Heimelen for sak om fordeling av planskapt netto verdiauke, går fram av forslaget til endring av plan- og bygningslova § 12-7 nr. 13.

#### 8.29.3.3 *Korleis jordskifteretten skal verdsetje planskapt netto verdiauke*

Etter gjeldande jordskiftelov § 28 tredje ledd skal det i sak etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstavane h og i skiftast slik at kvar eigedom får sin del av verdiauken. Etter fjerde ledd skal skiftegrunnlaget fastsetjast på grunnlag av dei eigenskapane eigedommen har til utbyggingsformål. Gjeldande jordskiftelov har ikkje fleire spesialreglar om korleis jordskifteretten skal verdsetje arealverdiar. Arbeidsgruppa foreslår heller ikkje slike spesialreglar, men innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 28 fjerde ledd går fram av høyringsforslaget § 3-18 tredje ledd.

Planskapt netto verdiauke er differansen mellom planskapt verdiauke og kostnader knytt til eventuelle tiltak i jordskifteområdet som følgjer av planen. Denne differansen må vere positiv, han må vere meir enn null. Summen av verdiauken for eigedommane samla er totalbeløpet som skal fordelast. Departementet meiner at det ut frå informative omsyn bør gå fram av den nye jordskiftelova at jordskifteretten i sak om fordeling av planskapt netto verdiauke må fastsetje denne summen. Sjå lovforslaget § 3-31 første punktum der det går fram at jordskifteretten skal fastsetje verdiauken i området som er omfatta av saka. For nokre eigedommar kan verdiauken vere stor, for andre vil det ikkje vere snakk om nokon auke. Dette har likevel ikkje noko å seie for den samla summen av verdiauke.

Jordskifteretten må òg fastsetje ein brøk eller annan liknande fordelingsnøkkel til bruk for sjølve fordelinga av verdiauken. Departementet meiner at dette òg bør gå fram av den nye jordskiftelova av informasjonsomsyn. Departementet har valt ein nokon annan ordlyd enn at kvar eigedom skal få «sin del av verdiauken». Det er peikt på mellom anna av jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme at gjeldande formulering kan virke forvirrande. Formuleringa opnar tilsynelatande ikkje for ei fordeling av verdien. Formuleringa kan like gjerne tolkast slik at kvar skal få sin matematiske del sett i lys av planen. Det som er sentralt å få fram i lovteksten er at jordskifteretten skal verdsetje dei delane som kvar enkelt skal ha av verdiauken. Sjå lovforslaget § 3-31 andre punktum som byggjer på dette.

Etter gjeldande jordskiftelov § 28 fjerde ledd utarbeider jordskifteretten brøken ved å verdsetje kvar enkelt eigedom som om alle eigedommane kunne brukast til utbyggingsformål, og uavhengig av kva som går fram av reguleringsplanen. Departementet foreslår å føre denne regelen vidare, sjå lovforslaget § 3-31 tredje punktum. Departementet er samd med DA i at gjeldande jordskiftelov § 28 fjerde ledd og høyringsforslaget § 3-18 tredje ledd er ein verdsetjingsregel, og at regelen er nokså detaljert. Departementet foreslår i kapittel 8.19.3 å ta bort ein del spesielle reglar om verdsetjing som kan redusere fridomen jordskifteretten har til å verdsetje. Departementet meiner likevel at det er tenleg å behalde denne regelen i samband med sak om fordeling av planskapt netto verdiauke. Departementet meiner dette fordi formålet med slik sak er annleis enn ved ei jordskiftesak etter lovforslaget kapittel 3 del II.

#### 8.29.3.4 *Korleis jordskifteretten skal fordele planskapt netto verdiauke*

Ved sak etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav h, skal kvar eigedom etter gjeldande jordskiftelov § 28 tredje ledd få sin del av verdiauken. Verdsetjinga skal etter § 28 fjerde ledd første punktum skje på grunnlag av dei eigenskapane eigdommen har til utbyggingsformål. Så langt råd er, skal netto verdiauke etter gjeldande jordskiftelov § 29 a første ledd leggjast ut som heile utbyggingsrettar på eller inntil eigen eigedom. Om verdiauken for ein eigedom berre utgjer ein del av ein utbyggingsrett er det ein regel om prioritet mellom eigedommane i andre ledd. Større delhavar skal i slike tilfelle gå framfor mindre når det gjeld retten til å få utlagt utbyggingsrett. Er partane samde kan jordskifteretten etter tredje ledd overføre areal mot vederlag i pengar i slike tilfelle. Høyringsforslaget § 3-20 byggjer på gjeldande reglar.

Departementet har ikkje registrert at høyringsinstansane har hatt innvendingar mot å føre vidare løysinga i gjeldande jordskiftelov. Departementet foreslår difor i hovudtrekk å føre reglane vidare, sjå lovforslaget § 3-32 som gjeld korleis jordskifteretten skal fordele planskapt netto verdiauke. Departementet foreslår likevel nokre justeringar i føresegna for at reglane skal gi betre informasjon til partane.

I lovforslaget § 3-32 første ledd foreslår departementet at jordskifteretten skal fordele planskapt netto verdiauke. Jordskifteretten skal fordele slik at kvar eigar får den delen av den planskaptete netto verdiauken som følgjer av lovforslaget § 3-31 andre punktum. Departementet foreslår at dette av omsyn til informasjon skal gå uttrykkeleg fram av lova. Løysinga må sjåast i samanheng med endringa i gjeldande jordskiftelov § 28 slik at kvar eigedom ikkje lenger skal ha «sin del av verdiauken».

Lovforslaget § 3-32 andre ledd første punktum byggjer på gjeldande jordskiftelov § 29 a første ledd. Jordskifteretten skal ved fordeling av planskapt netto verdiauke tildele utbyggingsrettar på eller inntil eigen eigedom så langt råd er. Departementet foreslår i andre punktum eit tillegg til dette som gjeld dersom ein part får tildelt ein utbyggingsrett som ikkje ligg på eigen eigedom. Det vil vere uheldig om nokon skulle få ein utbyggingsrett på ei tomt som er eigd av ein annan. I slike høve foreslår departementet at eigedomsretten skal følgje den tomte som utbyggingsretten gjeld. Departementet meiner at denne løysinga følgjer av gjeldande jordskiftelov, sjølv om det

ikkje er uttrykkeleg sagt, men at løysinga av informasjonsomsyn bør gå uttrykkeleg fram av den nye jordskiftelova.

Lovforslaget § 3-32 tredje ledd byggjer på gjeldande jordskiftelov § 29 a andre og tredje ledd. Forslaget har likevel fått ein meir utførleg ordlyd. Målet er å gi partane i ei sak om fordeling av planskapt netto verdiauke betre informasjon om korleis reglane for fordelinga er. Planskapt netto verdiauke kan utgjere berre ein del av ein utbyggingsrett. Den delhavaren som har størst del av utbyggingsretten ha rett til å krevje utbyggingsretten tildelt til seg. Om ingen av delhavarane set fram slikt krav, blir tomte utbyggingsretten gjeld eit sameige mellom delhavarane.

Departementet foreslår òg ei endring i høve til gjeldande rett i lovforslaget § 3-32 tredje ledd tredje punktum. Regelen i gjeldande jordskiftelov § 29 a tredje ledd om at partane må vere samde om det for å gi oppgjær i pengar bør etter departementets syn endrast slik at om nokon delhavar gjer bruk av retten etter første punktum til å overta heile utbyggingsretten, skal andre delhavarar med mindre del av utbyggingsretten kunne få oppgjær i pengar. Om partane ikkje er samde, vil det ikkje vere heldig om dei skulle overta utbyggingsretten som eit sameige etter lovforslaget § 3-32 tredje ledd andre punktum. Formålet med forslaget til endring er å sikre at utbyggingsretten vil bli utnytta sjølv om delhavarane ikkje er samde om å byggje ut.

### 8.30 Fare for naturskade

#### 8.30.1 Høyringsforslaget

I høyringsforslaget § 3-24 femte ledd foreslår arbeidsgruppa å føre vidare regelen i gjeldande jordskiftelov § 54 første ledd om at der det er fare for naturskade som for eksempel elvebrot, skred eller sandfok, skal jordskifteretten ta omsyn til dette i jordskifteløysinga. Jordskifteretten kan ta inn investeringar i førebyggingsarbeid eller andre tryggingstiltak som ein del av jordskifteavgjerda.

#### 8.30.2 Høyringsinstansane

*Jordskiftedommarane i Eidsivating jordskiftedømme* er samd i at det ikkje er nødvendig å presisere nærare kva som ligg i omgrepet naturskade. Tilvising til naturskadelova § 4 er tilstrekkeleg.

*Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap* tilrår at heile høyringsforslaget § 3-24 bør ut av lovforslaget fordi

det er for detaljstyrande. I samband med femte ledd som gjeld naturskade, uttaler universitetet:

«Muligens bør innholdet i siste ledd/naturskade) beholdes, men vi ser ikke helt behovet for ha en egen hjemmel til å komme ta inn forebyggende investeringer som en del av jordskiftesaka? Og viss den hjemmelen skal beholdes, bør hjemmelen plasseres her?»

#### 8.30.3 Departementets vurderingar

I gjeldande jordskiftelov § 54 er det fastsett at der det er fare for elvebrot, skred, sandfok og liknande, skal jordskifteretten, om det ikkje er mogleg å ta omsyn til det i sjølve skifteplanen, fastsette nødvendig forbyggingsarbeid eller andre tryggingstiltak. Jordskifteretten skal vidare gi reglar om korleis kostnadene med arbeidet og vedlikehaldet skal delast. Er det ikkje teke omsyn til faren i skifteplanen, skal retten gi reglar for det tilfellet det blir skade. Jordskifteretten skal først og fremst gi reglar om korleis tapet som følgje av skaden skal delast. Det går fram av andre ledd at om det er gitt reglar som nemnt i første ledd andre punktum, kan den som lir skade krevje hjelp av jordskifteretten til å få jamne ut skaden. Det kan skadelidne gjere om ikkje anna er fastsett, og partane ikkje blir samde. I slik sak gjeld reglane som for jordskifte så langt dei høver.

Departementet har grunn til å tru at heimelen sjeldan er brukt i dag. Normalt vil det nok heller vere snakk om jordskifte etter dei vanlege reglane i lovforslaget kapittel 3 del II til IV òg i slike høve. Etter departementets vurdering er det likevel behov for heimelen der slike situasjonar kan oppstå. Arbeidsgruppa foreslår ikkje å oppheve heimelen, og departementet foreslår å føre han vidare. I ei tid med klimaendringar, er det ikkje grunn til å fjerne heimlar som dette.

Gjeldande jordskiftelov § 54 første ledd andre punktum og andre ledd gir jordskifteretten kompetanse ut over det som til vanleg kan reknast som jordskifte. Retten skal gi reglar for det tilfellet det blir skade, og først og fremst om korleis skaden skal delast. Om naturskaden kjem, og partane ikkje er samde om delinga av tapet, skal jordskifteretten fastsette tapet som følgjer av naturskaden, og fordele dette tapet mellom partane i den førre jordskiftesaka. Departementet er såleis samd med Institutt for landskapsplanlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap i at plasseringa av denne delen av heimelen i høyringsforslaget § 3-24 ikkje er heldig.

Departementet meiner at det er tenleg å få fram i ny jordskiftelov at dette ikkje er ei jordskifteavgjerd som følgjer dei materielle reglane i lovforslaget kapittel 3 del I til IV. Regelen er difor teken inn i lovforslaget kapittel 3 del VI, § 3-33. For å få samanheng i regelen, foreslår departementet å føre vidare heile gjeldande jordskiftelov § 54 i denne paragrafen.

Departementet peiker på at gjeldande jordskiftelov § 54 første ledd òg inneheld nokre detaljerte reglar knytt til jordskifte. Departementet har plassert desse heimlane i lovforslaget § 3-33 for å få samanheng i regelen. Det er ikkje meininga at plasseringa skal føre til at avgjerd av slik sak ikkje kan reknast som jordskifte. Departementet meiner at lovforslaget § 3-23 om utlegging av grunn og bruksrett som kan endre verdi fører vidare dei omsyna som jordskifteretten må ta i jordskifteløysinga etter gjeldande jordskiftelov § 54 første ledd første punktum. Jordskifteretten kan vidare, med heimel i lovforslaget §§ 3-9, 3-27 og 3-28, påleggje forbyggingsarbeid eller andre tryggingstiltak og gi reglar om korleis kostnadene med arbeidet og vedlikehaldet skal delast.

### 8.31 Reglar for bruken av jordskifteområdet

#### 8.31.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-30 andre og tredje ledd ein heimel for jordskifteretten til å gi reglar for bruken av areala frå kravet om jordskifte blir sett fram til saka sluttast. Jordskifteretten skal òg kunne gi reglar for bruken av areala i tida frå saka sluttast og fram til jordskiftet trer i kraft. Jordskifteretten skal tilpasse leige eller feste av grunn til eigartilhøvet etter jordskiftet når jordskiftet får noko å seie for leige eller feste. Om nokon taper som følgje av avgjerdene, skal jordskifteretten kunne fastsetje eit vederlag for å dekkje tapet, og fordele kostnadene med vederlaget etter høyringsforslaget kapittel 7 (nytte).

#### 8.31.2 Høyringsinstansane

*Sør-Trøndelag jordskifterett* og *jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* viser til at det i praksis vil vere lite sannsynleg at dommaren har grunnlag for å gi foreløpige reglar straks kravet har kome inn, og før partane har gitt uttale i saka. Jordskifteretten peiker òg på at heimelen for å tilpasse leige eller feste av grunn til eigartilhøvet etter jordskiftet òg går fram av høyringsforslaget § 3-26, og at det er behov for ei samordning.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme og jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* foreslår at heimelen for å fastsetje foreløpige reglar òg bør gjelde i rettsutgreiing og grensesaker. Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme uttaler om dette:

«Som dømme kan nemnast tvist om vegrett. I fleire tilfelle har krav om rettsutgreiing om vegrett kome etter at den eine parten fysisk har stengd vegen. I slike tilfelle bør jordskifteretten kunne gi reglar om bruken fram til tvisten er avklart, eventuelt og skjønnt avheimla. Jordskifteretten har den naudsynte saklege kompetansen. Alternativt må partane setje fram krav om mellombels forføyning hjå tingretten om same tvistegenstand. ... Vi meiner det kan vere hensiktsmessig også i rettsfastsettande saker å gi mellombelse bruksreglar fram til tvisten vert avklart. Typisk vil vere grensegang eller rettsutgreiing for private vegar, der til dømes ein av partane har sett opp sperring. Etter vårt syn har jordskifteretten god kompetanse på å lage praktiske reglar fram til dom i saka er rettskraftig avgjort. Vi trur også det vil vere lettare for partane å halde seg til berre ein rettsinstans når slike problem dukkar opp. Om slik mellombels ordning høyrer inn under § 3-30 er vi litt usikre på, men vår intensjon er å få denne oppgåva med i lovteksten.»

#### 8.31.3 Departementets vurderingar

Det går fram av gjeldande jordskiftelov § 23 at for den tida jordskiftet varer, kan jordskifteretten gi reglar for bruken eller leggje slike band på bruken av skiftetfeltet som retten finn tenleg av omsyn til jordskiftet. Etter gjeldande jordskiftelov § 60 kan jordskifteretten frå tidspunktet da jordskiftet sluttast til det setjast i verk, gi reglar for bruken og fastsetje vederlag for bruken i samsvar med reglane i gjeldande jordskiftelov § 23. Jordskifteretten skal òg leggje slike band på partar og andre når det gjeld bruken i skiftetfeltet som retten meiner er tenleg for å hindre at føresetnadene for skifte blir endra. Vederlag for tap som kjem av dette, fastset jordskifteretten etter gjeldande lov ved skjønnt og utliknar vederlaget etter reglane i gjeldande jordskiftelov kapittel 8 (nytte).

Departementet meiner det er behov for å føre reglane vidare i ny jordskiftelov. Departementet foreslår å samle reglane i ei føresegn. Sjå lovforslaget § 3-34. Dette er i samsvar med høyringsforslaget.

Departementet er samd med Sør-Trøndelag jordskifterett og jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme i at det i praksis vil vere lite sannsynleg at dommaren har grunnlag for å gi foreløpige reglar straks kravet har kome inn, og før partane har gitt uttale i saka. Departementet foreslår difor at jordskifteretten skal ha kompetanse til å fastsetje foreløpige reglar frå det tidspunktet saka etter lovforslaget § 6-19 første ledd ikkje lenger kan trekkjast utan samtykke frå jordskifteretten. Etter departementets syn bør heime-len gjelde fram til jordskiftet er gjennomført. Tidsramma som jordskifteretten kan gi foreløpige bruksreglar for går fram av lovforslaget § 3-34 første ledd.

Ut over dette meiner departementet at reglane bør bli meir opplysende. Informasjonsomsyn tilseier dette. Det bør gå fram av lova at ein som må avstå frå bruk som følgje av avgjerd etter første ledd har rett til vederlag. Sjå lovforslaget § 34 andre ledd første punktum. Denne retten har han òg etter gjeldande reglar, men det kjem ikkje så tydeleg fram av lova. Det bør, som i gjeldande jordskiftelov § 23 andre ledd òg gå fram av lova at jordskifteretten fastset vederlaget. Sjå lovforslaget § 3-34 andre ledd andre punktum. I tillegg bør det gå tydelegare fram enn i gjeldande jordskiftelov § 23 andre ledd at for avgjerd som gjeld reglar om bruk fram til jordskiftesaka blir avslutta, skal jordskifteretten leggje kostnadene som dette fører til på dei som har nytte av avgjerda, sjå lovforslaget § 3-34 tredje ledd.

## 8.32 Skiping og oppmåling av nye matrikkeleiningar

### 8.32.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-29 ei føresegn om at eigedomsdeling som gjeld areal eller rettar som inngår i sak for jordskifteretten skal utførast av jordskifteretten med mindre jordskifteretten bestemmer noko anna. Forslaget er ut over dette at jordskiftedommaren kan gi attest for samanslåing i samsvar med matrikkellova § 18.

### 8.32.2 Høyringsinstansane

*Miljøverndepartementet* foreslår å endre teksten i paragrafoverskrifta fordi det i plan- og bygningslova og matrikkellova ikkje lenger heiter deling, men skiping og endring av eigedom. Miljøverndepartementet uttaler òg:

«Det bør her også minnes om at «deling» etter jordskifteloven er et alternativt og subsidiært institutt i forhold til pbl/matrikkelsystemet – i hvert fall når det gjelder til annet enn landbruk.

Generelt bør det gjøres en presisering og gis en bedre beskrivelse av forholdet mellom jordskiftedeling og pbl/matrikkedeling.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* uttaler:

«Denne regelen legg til rette for at jordskifteretten skal ha kontroll med alle eigedomsdelingar på areal som inngår i sak for jordskifteretten. Dette er etter ordlyden ikkje avgrensa berre til jordskifte etter kapittel 3, men til alle saker. Behovet for regelen gjeld etter vårt syn først og fremst i saker etter kapittel 3 og bør avgrensast til dette. Det andre spørsmålet regelen reiser er om den er klart nok uttrykt. Det blir no eit krav om at berre jordskifteretten kan utføre eigedomsdeling. Det sentrale er likevel at einsøknad om deling ikkje blir handsama etter plan- og bygningslov eller jordlov, utan at jordskifteretten har kontroll med om det blir gjeve slikt delingsløyve. Spørsmålet er då om denne formuleringa som her er foreslått er god nok til å regulere dette.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* peiker på at det bør vurderast om det i første ledd bør stå ei tilvising til matrikkellova § 33 femte ledd. Dersom det er meininga at første ledd skal gjelde alle saktstypar for jordskifteretten, foreslår dei at regelen blir flytta til kapittel 6. Skal regelen berre gjelde i jordskiftesaker, bør ordlyden endrast. Jordskifterettane reiser òg spørsmål om ordlyden er tilstrekkeleg presis nok i høve til formålet som må vere at jordskifteretten har kontroll med at det er gitt delingssamtykke.

### 8.32.3 Departementets vurderingar

I gjeldande jordskiftelov § 86 er det fastsett at på bruk som ligg under offentleg jordskifte, kan ingen andre enn jordskifteretten skipe nye matrikkeleiningar utan samtykke frå retten. «Oppmålingsforretninga» som slik jordskiftesak fører med seg skal jordskifteretten alltid halde. Når partane i eit avtaleskjønn etter gjeldande jordskiftelov § 6 fjerde ledd er samde om det, gjer jordskifteretten òg oppmålingsforretning. Formålet med regelen i § 86 er å sikre at jordskifteretten har kontroll over dei areala som er til behandling i saka. Kommunen skal ikkje kunne gjere endringar i skiftetfeltet

utan at jordskifteretten er kjent med dette. Kommunen og jordskifteretten kan ikkje endre eigedomstilhøva samtidig.

Behovet for reglar om matrikkelføring og tinglysing må sjåast i lys av at departementet i lovforslaget § 6-30 foreslår at jordskifteretten skal ha plikt til å rapportere til matrikkelen både når det er sett fram krav om sak, og om resultatet av saka. Sjå omtale om rapportering og tinglysing i kapittel 12.3.5, og i merknader til lovforslaget §§ 6-30 og 6-31. Departementet legg såleis til grunn at det i forskrift med heimel i matrikkellova kan fastsett tekniske krav til kva jordskifteretten skal levere til matrikkelen.

Spørsmål om rekkefølgja mellom matrikkelføring og tinglysing er aktuell der jordskifteretten skipar ny matrikkeleining, slår saman matrikkeleiningar eller slettar matrikkeleining. I slike saker er det behov for ei tenleg rekkefølge. I lovforslaget kan dette gjelde i sak etter både kapittel 3 og 4. Eit eksempel der det er aktuelt er lovforslaget § 3-35 som gir jordskifteretten kompetanse til å skipe nye matrikkeleiningar etter matrikkellova § 10 femte ledd, og slå saman matrikkeleiningar i samsvar med matrikkellova § 18 og forskrifter gitt med heimel i matrikkellova. Eit anna eksempel er lovforslaget § 4-1 bokstav c som gir jordskifteretten heimel til å registrere uregistrert jordsa-meige.

Matrikkellova § 24 sjetle ledd byggjer i dag på at det er jordskiftelova som skal ha reglar om rekkefølgja. Regelen går fram av gjeldande jordskiftelov § 24 første ledd tredje punktum der det er fastsett at dersom det er oppretta nye matrikkeleiningar i saka, må dette vere ført inn i matrikkelen før utdraget blir sendt til tinglysing. Departementet meiner at det bør leggast opp til enklare reglar og da slik at rekkefølgja bør kunne regulerast gjennom ei forskrift etter matrikkellova. Løysinga gjer det unødvendig med eigne reglar om rekkefølgja i jordskiftelova.

Matrikkellova § 24 sjuande ledd har ein heimel for forskrift om rutinar som sikrar samsvar mellom matrikkel og grunnbok. Departementet meiner at denne forskriftsheimelen òg kan brukast for å regulere rekkefølgja når jordskifteretten opprettar ny matrikkeleining eller slår saman eller slettar matrikkeleining. Departementet har i samråd med Miljøverndepartementet lagt til grunn at gjeldande forskrift må utvidast innan ny jordskiftelov trer i kraft slik at forskrifta òg vil gjelde rutinar for krav og meldingar frå jordskifteretten. Endringar i forskrifta og føringsinstruks for matrikkelen må ta høgde for at jordskifteretten er ein domstol

der disposisjonsprinsippet gjeld. Departementet foreslår med dette som bakgrunn å oppheve matrikkellova § 24 sjetle ledd. Sjuande ledd blir nytt sjetle ledd som vil gi heimel for forskrift. Sjå lovforslaget § 9-7 nr. 20.

Forslaga til endring av matrikkellova legg til rette for følgjande rutine: Har jordskifteretten fastsett at det skal skipast ny matrikkeleining, eller at matrikkeleiningar skal slåast saman eller slettest, set jordskifteretten fram krav om matrikkelføring i samsvar med matrikkellova og forskrifter til henne. Matrikkelføraren sender skjemaet «melding frå matrikkelen til grunnboken» til jordskifteretten. Jordskifteretten sender deretter saka eller utdrag av saka til tinglysing saman med meldinga frå matrikkelen. Dersom det er gjort feil som gjer at oppretting av ny matrikkeleining eller samanslåing eller sletting av matrikkeleining ikkje kan førast i matrikkelen, kan matrikkelføraren be jordskifteretten om å rette feilen.

Departementet foreslår ut over dette ein heimel som gir jordskifteretten kompetanse til å skipe og måle opp ny matrikkeleining som inngår i sak for jordskifteretten om ikkje jordskifteretten fastsett noko anna. Sjå lovforslaget § 3-35 andre ledd. Departementet meiner at jordskifteretten i slike høve bør kunne gi kommunen løyve til å skipe nye einingar sjølv om det er ei sak for jordskifteretten. Løysinga er i samsvar med gjeldande jordskiftelov.

### **8.33 Frist for iverksetjing av avgjerd**

#### **8.33.1 Høyringsforslaget**

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-30 første ledd at jordskifteavgjerda skal innehalde ein frist for overgang til nye eigedomstilhøve og andre fristar som vil vere nødvendige for å iverksetje endringane som følgjer av jordskifteløysinga. Forslaget inneber òg at det utan samtykke frå alle som var med i saka ikkje kan setjast kortare frist enn ein månad rekna frå forkynninga. Det skal heller ikkje kunne setjast lengre frist enn det som er nødvendig for å iverksetje avgjerdene. Berre i særlege tilfelle skal ein frist kunne setjast til meir enn fem år, og ikkje i noko tilfelle i lengre tid enn 10 år.

#### **8.33.2 Høyringsinstansane**

Høyringsinstansane har ikkje gitt kommentarar til første ledd i høyringsforslaget § 3-30.



### 8.33.3 Departementets vurderingar

I gjeldande jordskiftelov § 59 er det fastsett detaljerte reglar om fristar. Det går fram av første ledd i føresegna at jordskifteretten kan setje fristar for overtaking av eigedommane og andre fristar som trengst for iverksetjing av avgjerdene. Det går òg fram av andre ledd at utan samtykke frå alle som er med i skiftet, kan det ikkje setjast kortare frist enn to månader rekna frå forkynninga. Jordskifteretten kan ikkje setje lengre fristar enn det som trengst for å setje avgjerdene i verk, og berre i særlege høve setje fristar til meir enn fem år. Ikkje i noko høve kan jordskifteretten setje fristar til meir enn 10 år. Etter tredje ledd kan jordskifteoverdommaren gi utsetjing med flytting eller andre tiltak dersom det kan bevisast at det er uråd å gjere tiltaket til fastsett tid, og at vedkomande ikkje er skuld i dette eller har herredømme over det. Om slik utsetjing vil vere til skade for nokon av dei andre partane, skal jordskifteoverdommaren fastsetje vederlag for skaden. Fjerde ledd gjeld iverksetjing av felles tiltak. I slike høve kan jordskifteoverdommaren etter søknad forlenge fristen òg utan at vilkåra i tredje ledd første punktum ligg føre.

Departemente meiner det bør vere ein tilvingsregel i kapittel 3 som viser til heimelen jordskifteretten har for å setje fristar for iverksetjing av jordskifteløysinga. Departementet foreslår ein slik regel, sjå lovforslaget § 3-36 som viser til lovforslaget § 6-27.

## 8.34 Sperretid for nytt jordskifte

### 8.34.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-5 første ledd at det som tidlegare har vore under jordskifte etter lova eller tidlegare jordskiftelov ikkje skal kunne takast opp til ny jordskiftebehandling før det har gått 10 år etter det førre jordskiftet. Av høyringsforslaget går det òg fram at det same skal gjelde dersom jordskifte blir nekta fordi vilkåra etter høyringsforslaget §§ 3-2 og 3-3 ikkje er til stades.

I høyringsforslaget § 3-5 andre ledd er det gjort eit unntak når naturskade, endringar som nemnde i høyringsforslaget § 3-4 andre ledd bokstavane a til c, handel med areal og liknande vil gjere at det ikkje lenger er naturleg å rekne området som tidlegare skifta.

### 8.34.2 Høyringsinstansane

*Jordskifteoverrettane, jordskifterettane i Agder jordskiftedømme og jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* uttaler at det å føre vidare gjeldande regel om 10 års sperretid kan oppfattast noko upresist. Jordskifteretten og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme uttaler om dette:

«..vil vi vise til at dagens regel som her er foreslått vidareført kan oppfattast noko upresist. Den er nok skapt i ei tid då ein såg for seg at eit jordskifte tok for seg alt som var av problem innanfor eit geografisk område, og at ein ikkje kunne kome att med nytt jordskifte innan ein gitt frist. I dag kan eit jordskiftekrav gå ut på å avløyse vegrett, medan det kan kome nytt krav nokre år seinare med sikte på å ordne bruken av den same vegen. Spørsmålet blir i så fall om ti-årsfristen skal gjelde. Vi vil foreslå at tiårsfristen blir knytt til formuleringa i § 3-1, slik at eit problem løyst ved bruk av reglane i §§ 3-6 og 3-15 ikkje kan krevjast løyst på nytt som jordskiftesak før det er gått ti år frå avslutninga av førre sak. Det kan og vere grunn til å gje regel om kva tidspunkt ein skal rekne fristen frå. Etter vårt syn bør dette vere frå den førre saka blir endeleg avslutta.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* meiner at bruken av eigedommar kan endre seg vesentleg i løpet av 10 år. Jordskiftedommarane meiner at dette bør vere tilstrekkeleg til å ta saka opp att før det har gått 10 år. *Sør-Trøndelag jordskifterett* peiker òg på at høyringsforslaget § 3-5 andre ledd bør gjerast meir generell, og at jordskiftet bør kunne takast opp att før 10 årsfristen er ute dersom det ligg føre vesentleg endra føresetnader.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner at sperretid ikkje er eit godt uttrykk, og foreslår overskrifta Nytt jordskifte. Jordskifterettane har ikkje merknader til å føre vidare gjeldande rett i høyringsforslaget § 3-5 første ledd. Dei foreslår likevel eit meir generelt unntak i siste ledd. Forslaget inneber at om føresetnadene som jordskiftet byggjer på fell bort, må det kunne krevjast jordskifte utan omsyn til om det er halde jordskifte på eigedommane tidlegare.

### 8.34.3 Departementets vurderingar

Det går fram av gjeldande jordskiftelov § 4 første ledd at det som tidlegare har vore under offentleg

jordskifte etter gjeldande jordskiftelov § 2 bokstavane a til f ikkje kan takast opp til ny jordskiftebehandling før 10 år etter at det førre skifte var slutt. Det går fram av gjeldande jordskiftelov § 4 andre ledd at det same gjeld om jordskifte er nekta av materielle grunnar. Om grunnane til nektinga har falle bort, kan jordskifte fremjast utan omsyn til fristen på 10 år. I gjeldande jordskiftelov § 4 tredje ledd er det eit unntak frå 10 års fristen. Unntaket gjeld for det tilfellet at areal som har vore underlagt jordskifte blir drege inn i eit anna jordskifte med heimel i gjeldande jordskiftelov §§ 16 eller 25. Unntaket gjeld såleis der det er spørsmål om å regulere grense mot naboeigedom, eller utvide jordskifteområdet. I fjerde ledd er det fastsett at vedtak etter §§ 43, 44 og 52 kan takast opp til ny behandling i jordskifteretten når det er gått 10 år. I femte ledd er det eit unntak frå fristen når ras elvebrot, anlegg av offentleg veg, kjøp av tilleggsjord og liknande gjer at det ikkje lenger er naturleg å sjå området som tidlegare skifta.

Departementet foreslår å føre vidare regelen i gjeldande jordskiftelov om sperrefrist. Det er behov for ein slik regel for å sikre at jordskifteløysinga kan gjennomførast utan at dei som ikkje er fornøgde med resultatet kan reise ny sak og såleis halde saka i live. Forslaget går fram av lovforslaget § 3-37. Forslaget gjeld avgjerder etter lovforslaget §§ 3-4 til 3-12.

Departementet foreslår å føre vidare fristen på 10 år, og at det ut over dette bør vere nokre unntak frå sperrefristen. Unntaka i lovforslaget byggjer på unntaka i gjeldande jordskiftelov § 4, men er tilpassa løysingane og reglane i forslaget til ny jordskiftelov. Departementet foreslår såleis i lovforslaget § 3-37 andre ledd at sperrefrist òg skal gjelde om jordskifte er nekta fordi vilkåra i lovforslaget §§ 3-2, 3-18 eller 3-19 ikkje var oppfylte. Ein kan likevel ta opp til behandling nytt krav om jordskifte dersom vilkåra blir oppfylte på eit seinare tidspunkt. I lovforslaget § 3-37 tredje ledd foreslår departementet eit unntak frå sperrefristen som gjeld når jordskifteretten utvidar saka etter lovforslaget § 6-9 fjerde ledd. I lovforslaget § 3-37 fjerde ledd blir gjeldande jordskiftelov § 4 femte ledd ført vidare.

Departementet foreslår ikkje å føre vidare ein eigen regel som tilsvarende gjeldande jordskiftelov § 4 fjerde ledd som gjeld bruk, opparbeiding og vedlikehald av vegar, lukka grøfter og kanalar, og reglar om gjerdeplikt. Gjeldande regel er lite brukt. Formålet med regelen er å ordne på utvalte delar av ei sak utan å krevje fullt jordskifte. Departementet meiner at den generelle formuleringa i lovforslaget § 3-37 første ledd dekkjer behovet for

nytt jordskifte. Når gjeldande jordskiftelov § 4 fjerde ledd er lite brukt, meiner departementet det er eit teikn på at det er lite behov for ein spesialregel som gir heimel for å ta avgrensa delar av saka oppatt før denne tida er ute. Omsynet til eit lett tilgjengeleg regelverk tilseier da at regelen ikkje skal førast vidare i ny jordskiftelov.

Departementet er samd med dei høyringsinstansane som viser til at eit jordskifte kan vere så mangt, og at regelen om sperrefrist ikkje bør vere til hinder for å behandle ei jordskiftesak om andre spørsmål på same område innanfor 10-årsfristen. Departementet meiner at ordlyden «det som tidlegare har vore under skifte» opnar for ei slik løysing. Departementet er òg samd i at ordlyden i den nye jordskiftelova bør gjere det klart når tidsfristen skal reknast frå. Departementet foreslår difor at fristen ikkje lenger skal reknast frå det tidspunktet jordskiftet var «slutt», men frå det tidspunktet det «førre jordskifte var rettskraftig avgjort». Endringane går fram av lovforslaget § 3-37 første ledd.

### 8.35 Endringar i andre lover

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget å endre Lov 6. juni 1975 nr. 31 om utnytting av rettar og lunnende i statsalmenningane (fjellova) § 16. Departementet foreslår eit nytt andre ledd. Grunngevinga for departementets forslag til endring går fram av kapittel 8.13.4.3.

Arbeidsgruppa foreslår å endre Lov 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenningar § 1-4 slik at paragrafen viser til ny jordskiftelov §§ 3-6 og 3-13 i høyringsforslaget. Arbeidsgruppa foreslår ikkje å endre bygdeallmenningslova § 6-3 andre ledd. I lovforslaget vel departementet ei anna løysing enn den ein finn i høyringsforslaget. Grunngevinga for departementets forslag til endring går fram av kapittel 8.7.3.3 og 8.13.4.3.

Arbeidsgruppa foreslår å endre Lov 19. juni 1992 nr. 60 om skogsdrift mv. i statsalmenningene § 4-2 slik at paragrafen viser til ny jordskiftelov §§ 3-6 og 3-13. I lovforslaget vel departementet ei anna løysing enn i høyringsforslaget. Grunngevinga for departementets forslag til endring går fram av kapittel 8.7.3.3 og 8.12.3.5.

Arbeidsgruppa foreslår ikkje å endre Lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) §§ 10 og 12. Departementet foreslår likevel ei endring. Grunngevinga for departementets forslag til endring går fram av kapittel 8.13.5.3.

Arbeidsgruppa foreslår ikkje å endre Lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbe-

handling (plan- og bygningsloven) § 12-7. Departementet foreslår likevel ei endring. Grunngeving for departementets forslag til endring går fram av kapittel 8.29.3.2.

### 8.36 Verkemiddel og andre reglar som ikkje blir ført vidare

#### 8.36.1 Minneleg jordskifte og jordskifte ved valdgift

##### 8.36.1.1 Høyringsforslaget

I høyringsforslaget går arbeidsgruppa inn for at minneleg jordskifte og jordskifte ved valdgift skal gå ut av lova.

##### 8.36.1.2 Høyringsinstansane

*Direktoratet for Naturforvaltning* uttaler:

«I utkastet til ny jordskiftelov er reglene i kapittel 9 om frivillig jordskifte foreslått fjernet. Begrunnelsen for dette fremkommer på side 57-59 i høyringsnotatet.

Det legges vekt på at praktisk erfaring viser at det ikke er behov for minnelig jordskifte. Tallet på minnelige jordskiftesaker har gått ned, og det er få som har kompetanse til å utforme et minnelig jordskifte som oppfyller kravene til et offentlig jordskifte.

DN er en av de relativt få aktørene som fortsatt benytter seg av ordningen med frivillig jordskifte, i forbindelse med vernesaker. Ofte løses erstatningsoppgjøret med grunneiere enten som frivillig vern saker, eller ved for eksempel minnelig makeskifte.

Reglene om frivillig jordskifte og minnelig makeskifte finner vi i kapittel 9 som er foreslått fjernet. Selv om vilkårene i utkastets §§ 3-2 og 3-3 for offisielle jordskiftesaker på mange måter er like de vilkår som stilles til frivillig jordskifte i dagens lov § 82, 3. ledd, så ser DN fordelene ved at ordningen med frivillig jordskifte videreføres på enkelte områder.

DN er enig i at det i forhold til oppdatering av matrikkel og kartverk er en fordel at alle saker fra jordskifteretten blir rapportert på same måte. Reglene om «attest-jordskifte» bør difor ikke videreføres.

Men en vesentlig forskjell mellom privat jordskifte og offentlig jordskifte er partenes rådighet over saken. DN mener at de frivillige avtalene som inngås med grunneiere og tomtefestere av grunn og skog som vernes må være

bindende også for jordskifteretten dersom saken skal gå som offentlig jordskiftesak. Det vil ikke være en heldig utvikling dersom jordskifteretten skal ha kompetanse til å se bort frå de avtalene DN inngår med private parter, kun fordi sakene må reises som offisielle jordskiftesaker.

DN synes det er noe uklart hvordan de private avtalene som inngås med brukere og grunneiere av vernede områder skal behandles i de offisielle jordskiftesakene, og stiller spørsmålsteget ved om det da er reglene om rettsforlik i utkastets § 6-23 som skal anvendes som substitutt.»

*Norges Jordskifte kandidatforening, Faglig gruppe av Tekna* uttaler:

«NJKF mener det er uheldig å fjerne bestemmelsene om minnelig jordskifte. Argumentene brukt av arbeidsgruppa for å fjerne bestemmelsene kan i vel så stor grad brukes for å forsvare ordningen. Det vises spesielt til merknadene på s. 58, avsnitt 3. Dersom partene i all hovedsak selv har klarlagt forholdene rundt eiendommen og med en standard som tilfredsstiller jordskiftelovens vilkår, hvorfor skal da saken kreves som ordinært jordskifte?

I en del tilfelle kan grunneiere bli enige seg i mellom om arealbytter. Det er i seg selv positivt at det kan inngås avtaler om slike endringer mer tilpasset dagens behov enn den opprinnelige eiendomsutforming. Endring av eiendommenes areal berører panthavernes sikkerhet. Panthaver er ikke part i en slik avtale. Minnelig jordskifte med attest fra jordskiftedommeren sikrer deres krav samt at pantet skal hvile på den «nye» eiendommen, og at de nye grensene blir registrert som gjeldende framtidige grenser. Dette er en grei og enkel måte for grunneiere selv å omforme eiendommene slik de ønsker. Panthaveres sikkerhet blir ivaretatt samtidig som grenseopplysninger blir registrert slik lovverket krever.

Ved erverv av arealer til offentlig formål kan det også ligge til rette for bytte av arealer som en del av grunnervet. Ordningen med minnelig jordskifte fungerer som en enkel og god registrering av avtalen, jf. det som er nevnt ovenfor om minnelig jordskifte.

En rekke saker der flytting av grenser eller bytte av arealer inngår, kan ved minnelig jordskifte enkelt og raskt løses av grunneierne selv, eventuelt med støtte fra fagpersoner til for eksempel oppmåling. Slik bør jordskifteretten

avlastes, uten at saken medfører full domstolsbehandling for partene. NJKF mener at ordningen med minnelig jordskifte må opprettholdes og videreutvikles. En hensiktsmessig videreutvikling kan for eksempel være at Statens kartverk v/Tinglysingene kan tinglyse og matrikkelføre den type avtaler som minnelig jordskifte representerer, når dette er utført med attest fra fagpersoner (jordskifte kandidat) som er godkjent for dette, om at ingen eiendommer som er berørt får redusert verdi og at endringene ikke er i strid med offentlige reguleringer eller andre bestemmelser. NJKF viser i den sammenheng til det arbeidet som er gjort med å innføre en sertifiseringsordning i vår forening.»

### 8.36.1.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at minneleg jordskifte og jordskifte ved valdgift skal takast ut av jordskiftelova. Reglane følgjer i dag av gjeldande jordskiftelov §§ 82 og 85. Begge dei to verkemidla er i fortsetjinga omtala med formuleringa minneleg jordskifte.

Departementet meiner at partane ikkje bør ha moglegheit til å avtale seg forbi vernet mot tap i lovforslaget § 3-18. Det er jordskifteretten, ikkje partane, som må ta stilling til om nokon part eller om ein tredjemann lir tap.

Partane bør heller ikkje kunne avtale at jordskifteretten skal ha kompetanse som jordskifteretten ikkje har etter jordskiftelova. Det praktiske behovet partane kan ha for å utvide kompetansen er dekt gjennom lovforslaget § 5-5 som gir heimel for avtaleskjønn.

Dersom poenget med den minnelege avtalen er å unngå anke, kan partane før avgjerda er fatta med heimel i tvistelova § 29-6 gjensidig avtale at dei vil godta resultatet frå jordskifteretten.

Jordskiftelova § 85 har frå starten i 1979 hatt ein eigen regel om valdgiftsjordskifte. Regelen blei utvida med eit nytt andre ledd i 2001. Reglane i § 85 andre ledd er begrunna ut frå eit ønske om å leggje betre til rette for større tiltaksjordskifte der ein for eksempel skal føre fram ein veg eller jernbane. I mange høve kjøper tiltakshavarar heile eigedommar som skal gå inn i jordskiftet og leggjast ut som areal til bruk for tiltakshavaren. Lovforslaget § 3-2 første ledd andre punktum gir generell heimel for å halde tiltaksjordskifte. I slike høve er vurderinga av kva som er tenleg for partane knytt til korleis situasjonen vil bli når tiltaket er gjennomført. Dette gjer at det ikkje lenger er behov for reglane som blei vedtekne i 2001.

Norges Jordskifte kandidatforening, Faglig gruppe av Tekna (NJKF) viser i sin uttale til at minnelege jordskifte ikkje er til hinder for at jordskifteløysinga tek vare på interessene til andre enn partane, for eksempel panthavarane. NJKF meiner òg at frivillige avtalar supplert med minneleg jordskifte vil krevje mindre tid enn offentleg jordskifte. Departementet oppfattar uttalanen slik at dei meiner det ligg til rette for ei mellomløysing. Departementet er ikkje samd i det. Oppgåva jordskifteretten har i eit minneleg jordskifte i dag er å kontrollere jordskifteløysinga, for eksempel ved å kontrollere verdsetjing av areal som går i byte eller måle grensene. Jordskifteretten går da god for at jordskiftet fyller alle krav til eit offentleg jordskifte. Ei slik løysing er like arbeidskrevjande som eit vanleg jordskifte. Det blir lite å vinne i arbeid og sakskostnader ved eit minneleg jordskifte. Departementet foreslår difor å ta bort kompetansen jordskifteretten har til å halde minnelege jordskifte.

Endringa vil truleg ikkje føre til at sakskostnadene aukar. Hovudregelen om jordskiftedommar som einedommar jf. lovforslaget § 2-6 første ledd vil ofte eigne seg når det er utstrakt semje mellom partane. Det er grunn til å tru at om partane er samde om ei løysing, vil løysinga normalt fylle vilkåra i jordskiftelova og difor oftast vere godt brukande òg i eit offentleg jordskifte. Endelig viser departementet til at det er ei forenkling å berre ha eitt sett med reglar om jordskifte.

Direktoratet for Naturforvaltning (DN) peiker på at rådvelde som partane har over saka er ein vesentleg forskjell mellom minneleg og offentleg jordskifte. Departementet meiner det ikkje er noko slikt skilje når det gjeld innhaldet i saka. Partane må i begge tilfelle gjere greie for problemet dei ønskjer at jordskifteretten skal løyse. Sjø lovforslaget § 3-2. DN meiner ut over dette at jordskifteretten må vere bunden av dei friviljuge avtalane som DN inngår med grunneigarar og tomtefestarar av grunn som skal vernast. Departementet viser til at jordskifteretten må respektere desse avtalane så fram dei fell inn under «bindande offentlege føresegner om arealbruk» sjå lovforslaget § 3-17 første ledd. Når DN gjer avtale med grunneigarar knytt til vernejordskifte, går det ut over dette fram av lovforslaget § 3-22 at om ein part «treng grunn til særskilte formål som vegar eller anna, kan han krevje dette utlagt av sin del». Departementet har grunn til å rekne med at denne heimelen dekkjer det behovet DN har for at jordskifteløysinga ikkje bryt med dei aktuelle avtalane.

I samband med innføringa av reglane i gjeldande jordskiftelov § 85 andre ledd i 2001 blei det fastsett nye reglar i odelslova § 16 fjerde ledd andre og tredje punktum og i odelslova § 32 første ledd andre punktum. Etter odelslova § 16 går kvar teig inn under odel eller odling på den eigedommen teigen blir høyrande til dersom teigar eller jordstykke blir bytt. Det same gjeld ved jordskifte der jord blir overført frå ein eigedom til ein annan. Odelslova § 16 tredje ledd fastset at det same skal gjelde når ein teig eller eit jordstykke blir overført til den nye eigedommen som følgje av at jordskifteretten held valdgiftsjordskifte. Endringa i odelslova § 32 innebar at dersom jord blei bytt ved valdgiftsjordskifte etter gjeldande jordskiftelov § 85 andre ledd, skulle eldre odelsrett falle bort på den eigedommen eigaren gir frå seg uavhengig av om det gjeld ein del av ein eigedom eller ein heil eigedom.

Når departementet no foreslår at valdgiftsjordskifte blir borte, må det takast stilling til korleis reglane i odelslova § 16 og 32 bør bli. Departementet kan ikkje sjå at det er eit sjølvstendig behov for dei reglane som blei innførte i samband med lovendringa i 2001, og foreslår at dei blir oppheva. Dersom valdgiftsjordskiftet er avslutta før ny lov trer i kraft, vil odelen anten vere overført etter § 16 eller eldre odelsrett har falt bort etter § 32.

### 8.36.2 Utflytting

#### 8.36.2.1 Høyringsforslaget

I høyringsforslaget går arbeidsgruppa inn for at reglane om utflytting skal gå ut av lova.

#### 8.36.2.2 Høyringsinstansane

*Jordskifteoverdommarane* uttaler at dei ikkje har merknader til forslaget. Det er ikkje andre som har uttalt seg om dette forslaget.

#### 8.36.2.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at reglane om utflytting i gjeldande jordskiftelov §§ 45 til 50 ikkje skal først vidare i ny jordskiftelov. Arbeidsgruppa legg til grunn at dei ikkje er i bruk lenger. Ingen har kome med merknader til forslaget.

Reglane om utflytting har sitt opphav i ei tid da det var mykje om å gjere å avvikle klyngetun. Nå er fleire av dei attverande klyngetuna varig verna. I periodar var det eige statstilskott til utflytting. Statstilskotta er borte.

Departementet meiner elles at det i samband med eit jordskifte etter lovforslaget § 3-4 må vere mogleg å byte bygningar, og at det òg bør vere mogleg å overføre små bygningar mot vederlag i pengar slik regelen er i gjeldande jordskiftelov § 48. Departementet foreslår i lovforslaget § 3-4 andre ledd ein eigen heimel for dette. Sjå drøfting av dette i kapittel 8.10.3.1.

### 8.36.3 Reglar om bruken av vatn, vassdrag og sjø

#### 8.36.3.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-27 å føre vidare innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 44 andre ledd som gjeld bruken av vatn og vassdrag med nokre mindre endringar i ordlyden som ikkje er meint å føre til realitetsendring. I tillegg foreslår arbeidsgruppa at heimelen skal utvidast til å gjelde bruken av sjø.

#### 8.36.3.2 Høyringsinstansane

*Miljøverndepartementet* meiner det vil vere ein fordel om paragrafen gjer klart at det er råderettsreglane mellom partane paragrafen gjeld. *Domstoladministrasjonen (DA)* foreslår å stryke regelen, og i staden ta inn ei presisering av at føresegnene i jordskiftelova òg gjeld i vatn, vassdrag og sjø. *Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* og *jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* meiner òg at regelen er unødvendig. *Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* og *jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* foreslår å flytte innhaldet til paragrafen om bruksordning, medan *Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner at føresegna bør inn i høyringsforslaget § 1-2 som gjeld virkeområde.

#### 8.36.3.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at det ikkje skal vere ein eigen paragraf i ny jordskiftelov om kva jordskifteretten kan gjere med den private eigedomsretten til vatn, vassdrag og sjø. Departementet er samd med dei høyringsinstansane som uttaler at denne føresegna ikkje er nødvendig fordi lovforslaget § 1-2 slår fast at virkeområdet til lova er fast eigedom, vassdrag og sjø.

Departementet er samd med Miljøverndepartementet i at oppgåvene til jordskifteretten gjeld den råderetten som ligg til eigarar og brukarar. Jordskifteretten er ikkje eit forvaltingsorgan. Landbruks- og matdepartementet viser til at jord-

skifteretten er ein domstol med domstolsoppgåver, og meiner det ikkje er nødvendig å presisere at jordskifteretten ikkje er eit forvaltingsorgan i lovteksten. Det må vere nok å omtale kva jordskifteretten har kompetanse til etter lovforslaget § 1-2.

Departementet viser elles til lovforslaget § 3-17 første ledd der det heiter at jordskifteløysinga ikkje skal vere i strid med bindande offentlege føresegner om arealbruk.

## 9 Rettsutgreiing

### 9.1 Innleiing

---

Departementet foreslår å plassere reglane om rettsutgreiing i eit kapittel saman med grensefastsetjing (i gjeldande lov kalla grensegang), sjå kapittel 10. Departementet meiner reglane systematisk bør kome etter kapittel 3 om jordskifte, og foreslår å ta dei inn i Kapittel 4 Rettsutgreiing og grensefastsetjing og anna.

Departementet meiner reglane om rettsutgreiing bør heimlast i den første paragrafen i kapitlet. Dei materielle reglane er såleis heimla i lovforslaget § 4-1 Rettsutgreiing.

Det er i gjeldande jordskiftelov § 88 a reglar om rettsutgreiing. Paragrafen gir jordskifteretten kompetanse til å klarleggje og fastsetje, det vil seie slå fast korleis eigedoms- og bruksrettstilhøva er i eit område. Lovforslaget fører i hovudsak vidare gjeldande reglar om rettsutgreiing. Departementet foreslår likevel å ta bort innskrenkinga i gjeldande jordskiftelov § 88 a om at rettsutgreiing berre kan utførast «når dette er nødvendig av omsyn til ein rasjonell bruk av området».

Jordskifteretten skal etter gjeldande jordskiftelov § 17 tredje ledd, etter krav frå ein part avgjere tvist om underliggjande rettshøve. Jordskifteretten skal gjere dette når det er nødvendig å ta stilling til tvisten for at saka om rettsutgreiing skal kunne avgjerast. Departementet foreslår å føre vidare denne kompetansen i lovforslaget § 4-4.

### 9.2 Høyringsforslaget

---

Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare ordninga med rettsutgreiing i jordskiftelova § 88 a.

Arbeidsgruppa foreslår likevel å ta bort innskrenkinga i kompetansen til jordskifteretten. Innskrenkinga inneber at utgreiing av dei aktuelle rettane berre kan gjerast «når det er nødvendig av omsyn til ein rasjonell bruk av området». Arbeidsgruppa foreslår på same måte som for grensesak, og med same grunngjeving, å utvide ordninga med rettsutgreiing til òg å gjelde rettar over fast eigedom. Arbeidsgruppa foreslår òg i høyringsforslaget § 4-1 at grunneigar som meiner at nabo

ikkje har bruksrett, skal likestillast med nabo som meiner at han har bruksrett, når det gjeld retten til å krevje rettsutgreiingssak. Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 4-1 å gi jordskifteretten kompetanse til å avgjere korleis eigedoms- og servituttilhøva er i område der det er sambruk mellom uteareala som ligg til eigarseksjonar. Forslaget inneber at partane på vanleg måte kan velje mellom jordskifterett og tingrett i dei tilfella det er tvist.

### 9.3 Høyringsinstansane

---

*Justisdepartementet* uttaler:

«Når rettsutgreiing er definert som sakstype i utkastet til § 1-3 bokstav c, bør dette begrepet brukes konsekvent i omtalen av denne sakstypen, sml. overskriften i kapittel 4 og i overskriften i utkastet til § 4-1.»

*Domstoladministrasjonen* (DA) uttaler generelt at rettsutgreiing og grensegang utgjer hovudtyngda av den totale arbeidsmengda til jordskiftedomstolane. DA uttaler:

«Det er derfor viktig at reglane knyttet til disse sakstypene er lett tilgjengelige og forståelige for brukerne av loven.» DA uttaler òg at formuleringa «uklart om det er sambruk mellom eigedommar» i bokstav b er ein tung og noko uklar formulering, og foreslår at denne erstattast med «uklare eigedoms- eller bruksrettsforhold». Denne formuleringa fangar også opp kompetansen til å avklare eigedomstvistar der grensene ikkje er uklare.»

*Jordskifteoverrettane* uttaler:

«Vi er samde i at jordskifterettens kompetanse blir utvida til å gjelde rettsutgreiing der det er sambruk mellom utomhusareala til eigarseksjonar. Vi har erfaring med at det har vore nokon spørsmål om jordskifteretten kan handsame slike saker, men vi reknar ikkje med at

det vil bli mange slike saker sida mykje av forholda mellom partane er regulert i lov om eigarseksjonar, jf. § 19 første og andre ledd. Det fylgjer og av § 7 første ledd bokstav d at krav om seksjonering skal innehalde vedtekter for sameiget.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* uttaler at det er greitt å ta bort noverande presisering «særskilt sak». Det er klart nok når det er eit eige kapittel om rettsutgreiing og grensesak. Dei meiner òg at det er greitt å ta bort vilkåret om «rasjonell bruk», og dermed òg rettsmiddelhovet knytt til vilkåret. Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme meiner utvidinga av kompetansen er fornuftig. Det er etter deira meining viktig å få presisert at rettsutgreiing kan krevjast der det er uklart om det er sambruk. Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme meiner det er logisk å likestille kravskompetansen for grunneigar og den som meiner å ha bruksrett. Dei stiller spørsmål ved kvifor kompetansen skal avgrensast til sameige. Det hadde vore meir naturleg om jordskifteretten hadde hatt heimel til å avklare i eiga sak det same som ein kan gjere under eit jordskifte, jf. høyringsforslaget § 3-16. For eksempel bør jordskifteretten ha heimel til å ta avgjerd om eigedomsrett til ein særigeiteig òg i dei tilfella der grensesak ikkje kan nyttast som verkemiddel, det vil seie uavhengig av om begge eller alle dei aktuelle eigedommane ligg inntil den aktuelle teigen. Dei peiker på at både grensesak og rettsutgreiing i realiteten kan vere tvist eller uvisse om eigedomsrett. Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme skjønar ikkje meininga med høyringsforslaget § 4-1 bokstav c. Grunnen er at heimelen til rettsutgreiing i sameige ligg i høyringsforslaget § 4-1 bokstav a. Dei uttaler:

«Dersom det er meint at punkt c er ein heimel for jsr. til å registrere eit sameige i samband rettsutgr. i eit uregistrert sameige, kan det ikkje stå som eit bokstavpunkt (registrering er ikkje rettsutgr.), men må utformast/plasserast annleis. Det hadde kanskje vore naturleg at registreringsheimelen låg direkte i § 14 i matrikkellova, eller i forskrift til § 14. Er det elles tenkt at slik registrering skal gjerast, eller kan gjerast ved rettsutgr. i ureg. sameige? (jf. nytt fjerde ledd i jsk.lov § 58 i sbm. innføring av matrikkellova)».

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler om høyringsforslaget § 4-1 bokstav a «at ein

også i dette tilfellet bør kunne reise sak der det uklart om det er sameige, jf. formuleringa i bokstav b.» Når det gjeld bokstav a, vil dei ha formuleringa «i sameige, og i område der det er uklart om det er sameige». Jordskifterettane i Eidsivating uttaler òg om høyringsforslaget § 4-1 bokstav e at «Uttrykket sambruk mellom utomhusareal» ikkje er ei språkleg korrekt formulering. Forholdet gjeld sambruk av eitt eller fleire areal, og er ikkje sambruk mellom ulike areal. Korrekt form er: «sambruk av utomhusareal som ligg til eigarseksjonar». I tillegg meiner jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme at jordskifteretten òg bør kunne ta rettsutgreiing på dei interne tilhøva i personlege sameiger. Ettersom personlege sameiger blir ein meir vanleg eigarform òg av landbruks-eigedommar, vil det vere naturleg og rasjonelt at jordskifteretten òg skal klarleggje slike rettshøve. Dei gjer derfor framlegg om slik bokstav e: «e) i område som det er sambruk av utomhusareal som ligg til eigarseksjonar, og i personlege sameige». Jordskifterettane i Eidsivating saknar vidare ein rein heimel til å avgjere tvist om eigedomsrett i eiga sak, sjølv om grensene er klare. Dei uttaler at dei i dag får

«ein del tvilsamme grensesaker, der sjølve problemet er tvist om eigedomsretten. Dette gjeld oftast ein heil, mindre eigedom, eller ein avgrensa del (teig) av ein eigedom. For å unngå slike meir eller mindre fiktive grensetvistar, og å kunne ta alle saker, ville det vere betre å ha ein generell heimel til å ta slike tvistar. Eit alternativ kan vere å ta det inn som ein ny paragraf, som ny sakstype. Men vi synest det høver betre under rettsutgreiing, og vil foreslå å ta det inn som eit nytt punkt f), med slik tekst: f) i område der eigedomsretten til areal er uklar. Vi meiner det er unødvendig å spesifisere kva slags areal/eigedom det gjeld, eller å ha noko avgrensing av storleik el. liknande. Uttrykket kan vere generelt, sjølv om det då også omfattar areal som det kan vere tvist om ved ein grensetvist. Dersom ein ønskjer ei klar avgrensing av heimelen, kan ein ev. setje som vilkår at areala manglar eigarinformasjon i matrikkelen eller at det er uklart om eigarinformasjonen i matrikkelen er rett. Vi har fagleg kompetanse til å utføre dette. Dette gjer vi i grensesaker og jordskiftesaker når dette er nødvendig. Vi kan ikkje sjå at tidlegare avgrensing av denne heimelen til berre å gjelde ved grensegang er sakleg grunna. Ein heimel til å avgjere tvist om eigedomsrett meiner vi bør vere generell.»



*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner det er grunnlag for å foreslå ein eigen heimel for jordskifteretten til å behandle uklare eigedomstilhøve. Dei uttaler mellom anna at jordskifteretten i ei jordskiftesak har heimel til å avgjere spørsmålet om kven som er grunneigar til eit areal, dersom det er tvist og ei avgjerd er nødvendig for å halde jordskifte, sjå jordskiftelova § 17 første ledd. Reissast derimot eit slikt spørsmål aleine, peikar dei på at det straks er noko meir usikkert om jordskifteretten har heimel til å avgjere dette. Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme meiner jordskifterettane bør få utvida heimel til å halde rettsutgreiing i spørsmål der partane ønskjer å få avklart kven som er den rettmessige eigar av eit bestemt areal. Dei held fram:

«Spørsmålet dukker fra tid til annan opp hos jordskifterettene, og man må forut for et krav vurdere om dette er et spørsmål om eiendomsretten til areal eller om det vil kunne behandles som en grensegang. Vi har forståelse for at grunneiere, eller de som påstår å være grunneiere, kan synes at dette skillet virker noe underlig. Jordskifterettene kan ikke avgjøre dette spørsmålet etter dagens jordskiftelov når det ikke gjøres som en del av en jordskiftesak.»

Jordskifterettene i Agder jordskiftedømme meiner det ikkje bør vere tvil om at jordskifterettane har tilstrekkeleg kompetanse til å avgjere denne typen spørsmål som eigne saker. Dei uttaler at å

«avgjere hvem som er eier av et areal er noe jordskifterettene i lang tid har måttet ta stilling til der dette spørsmålet har oppstått i forbindelse med behandlingen av en jordskiftesak. Det er lite hensiktsmessig at parter nærmest må konstruere grensesak når hovedspørsmålet er hvem som er eier til et bestemt areal.»

Jordskifterettene i Agder jordskiftedømme meiner det ligg godt innafor mandatet å opne for at jordskifterettane får generell heimel til avklare eigartilhøve der dette er uklart. Dei opplever at

«eiere og rettighetshavere har behov for å få dette avklart, og at de ønsker en behandling i jordskifterettten. Endringen vil også føre til at uklarheten knyttet til om jordskifteretten har heimel til å behandle et slikt spørsmål i den enkelte sak, vil bli mindre. Det fører også til mindre prosesskostnader dersom en velger å trekke avgjørelser om eierforhold inn i loven.»

Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme foreslår etter dette ein ny bokstav f med same innhald som forslaget til Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme.

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* uttaler:

«Det er bra at kravet til rasjonell bruk av området er borte og at det er tilstrekkelig at noe er uklart. En avklaring av rettsforholdene i sameiet er ofte nyttig for å unngå tvist og vanskelige naboforhold i ettertid. Bokstav a bør ha følgende ordlyd: a) i sameige og der det er uklart om det er sameie. Det tilsvarende lovforslaget bokstav b. En slik endring av bokstav a er en videreføring av praksis og er nyttig for å unngå unødig prosess om dette. I bokstav b bør ordet «andre» kunne utgå. Det bør tas inn en ny bestemmelse om at jordskifteretten kan klarlegge hvem som er eier i et område der eiendomsretten til et areal er uklar. Det kan være at matrikkelen identifiserer arealet og grensene er klare, slik at grensesak ikke er egnet. I dag kan vi kun avgjøre dette som ledd i en jordskiftesak og ikke som egen sak.»

*Statens kartverk* meiner

«det bør komme hjemmel for at jordskifteretten skal kunne foreta rettsutgreiing og avklaring av yttergrenser ved opprettelse av anleggseiendom, for å fastsette grenser opp i luften, og ned i grunnen og ut i sjø».

## 9.4 Departementets vurderingar

Rettsutgreiing handlar om å klarleggje og fastsetje korleis eigedoms- og bruksrettshøve er i eit område. Sidan det ikkje er krav om tvist, er det etter gjeldande jordskiftelov nok at det er nødvendig å avklare eigedomstilhøva for å oppnå ein rasjonell bruk av området.

Han eller ho som ønskjer ei avklaring av rettstilhøva kan reise sak for tingretten, dersom vilkåra for å reise sak etter tvistelova er oppfylde.

Etter gjeldande jordskiftelov § 88 a kan eigar krevje at jordskifteretten skal klarleggje og fastsetje eigedoms- eller bruksrettstilhøva i sameiger og i andre område der det er sambruk mellom eigedommar eller går føre seg reindrift etter reindriftslova § 4, når dette er nødvendig av omsyn til ein rasjonell bruk av området. Det same gjeld innehavar av alltidvarande bruksrett. I gjeldande jordskiftelov § 88 a er det ei tilvising til gjeldande

jordskiftelov § 88 andre ledd. Ein finn såleis òg reglar for kven som kan krevje sak om rettsutgreiing for alltidvarande bruksrett og offentleg regulering av eigarrådvelde. Det følgjer av dette at i slike tilfelle kan bruksrettshavar og offentleg styresmakt krevje rettsutgreiing. Gjeldande jordskiftelov § 88 a seier òg kven som kan krevje rettsutgreiing i område der det går føre seg reindrift.

Gjeldande jordskiftelov § 88 a andre ledd inneber òg at den som krev rettsutgreiing må nemne kva for rettsutgreiingsspørsmål retten skal ta stilling til. Jordskifteretten kan ikkje gå utanom kravet. Etter omstenda kan retten utvide saka.

Retten skal først prøve å få til minnelege ordningar, sjå tilvisinga i gjeldande jordskiftelov § 88 a til § 88 femte ledd. Kjem ein ikkje fram til semje, kan jordskifteretten greie ut den aktuelle retten på den måten han meiner er mest tenleg for dei eigedommane det gjeld. Dersom det ikkje er landbrukseigedom på nokon av sidene, kan jordskifteretten berre regulere ulagelege grenser etter krav frå ein part.

Gjeldande jordskiftelov § 89 første ledd gjeld òg tilsvarende i saker om rettsutgreiing. Det inneber at reglane om saksbehandling for jordskifte gjeld tilsvarende så langt dei høver.

I tråd med merknaden frå Justisdepartementet er omgrepet rettsutgreiing nytta konsekvent for å skilje ut denne sakstypen, sjå mellom anna kapitloverskrifta og overskrifta til § 4-1 i lovforslaget.

Departementet meiner som arbeidsgruppa at reglane om rettsutgreiing bør plasserast i same kapittel som reglane om grensefastsetjing, det som i gjeldande jordskiftelov blir kalla grensegang. Departementet meiner reglane systematisk bør kome etter kapittel 3 om jordskifte, og foreslår at reglane skal plasserast i kapittel 4 Rettsutgreiing og grensefastsetjing og anna.

Departementet meiner reglane om rettsutgreiing bør heimlast i den første paragrafen i kapitlet. Dei materielle reglane går såleis fram av lovforslaget § 4-1 Rettsutgreiing. Paragrafen handlar om rettsutgreiing som eiga sak. Rettsutgreiing, så langt det er nødvendig for å halde jordskifte, er heimla i lovforslaget § 3-13.

I gjeldande lov er reglane om rettsutgreiing plasserte i § 88 a. Tilvisingane i § 88 a andre ledd inneber at ein òg finn reglar i gjeldande jordskiftelov § 88 andre, fjerde og femte ledd og § 89 andre ledd. Departementet meiner dette ikkje gir ein god systematikk. Departementet foreslår ein paragraf i kapittel 4, men etter forslaget skal den ikkje seie meir enn kva jordskifteretten kan gjere. Reglar for kven som kan krevje rettsutgreiing går fram av § 1-5. Departementet foreslår ikkje reglar

om saksbehandling i kapittel 4. Reglar om saksbehandling finn ein i kapittel 6.

Jordskifteretten har god erfaring med å klarleggje og slå fast korleis eigar- og bruksrettshøve er. Dessutan kan spørsmåla henge saman med andre spørsmål i eit jordskifte. Departementet meiner, som arbeidsgruppa, at ein bør føre ordninga med rettsutgreiing vidare, ettersom tilgangen på slike saker viser at det er behov for desse reglane. Rettsutgreiing er ein viktig del av jordskifteprosessen. For at jordskifteretten skal kunne kome fram til ei avgjerd, må han regelmessig ta stilling til ulike rettslege spørsmål knytt til eigedomstilhøve og rettar over fast eigedom som for eksempel bruksrettar og negative servituttar. Når blant anna negative servituttar òg er omfatta, blir kompetansen jordskifteretten har til å gjere rettsutgreiing utvida i høve til gjeldande jordskiftelov. Gjeldande jordskiftelov gjeld berre alltidvarande bruksrettar. Departementet kan ikkje sjå nokon grunn til at jordskifteretten ikkje skal kunne rettsutgreie for eksempel negative servituttar, fordi denne løysinga fører til at ein kan få slik rettsutgreiing sjølv om det ikkje er tvist.

Arbeidsgruppa foreslår formuleringa «kan klarleggje og fastsetje». Det er same formulering som ein har i gjeldande jordskiftelov. Departementets forslag inneheld andre formuleringar. Innhaldet skal likevel dekkje det same.

Før jordskifteretten kan fastsetje eigedoms- og rettstilhøva, må han ha klarlagt tilhøva. Det går fram av kapittel 6 korleis jordskifteretten skal gå fram for å få eit så godt avgjerdsgrunnlag som mogleg. Departementet meiner såleis at det ikkje er nødvendig å seie i § 4-1 at jordskifteretten skal klarleggje saka før ho blir avgjort.

Etter gjeldande jordskiftelov § 88 a første ledd kan grunneigar eller innehavar av alltidvarande bruksrett krevje rettsutgreiingssak. Det same kan leiar av reinbeitedistrikt, utøvar av reindrift og i visse tilfelle departementet. Departementet meiner det er grunn til å følgje opp høyringsforslaget § 4-1, der departementet foreslår ei endring som går ut på å likestille grunneigar og den som meiner å ha bruksrett, når det gjeld retten til å krevje rettsutgreiingssak. Departementet er samd med jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedøme i at det er logisk å likestille kravskompetansen for grunneigar og den som meiner å ha bruksrett. Likevel meiner departementet at ein ikkje bør ha reglar om kompetansen til jordskifteretten, og kven som kan krevje rettsutgreiing i same paragraf. Departementet foreslår derfor å leggje reglane om kravskompetanse til lovforslaget § 1-5.

Heimelen for rettsutgreiing ber i nokon grad preg av at han i starten var knytt til jordskiftedelen av lova. Vilkåret om «rasjonell bruk av området», er eit eksempel på dette. Departementet meiner, som fleire høyringsinstansar, mellom anna jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme og jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme at dette vilkåret bør takast bort. Det må vere nok at dei som har eigedomsinteresse i eit område, treng å få ei avklaring av eigedomstilhøva. Dersom ein tek bort vilkåret om «rasjonell bruk av området», slepp partane å grunngje at vilkåret er til stades. Dei kan nøye seg med å få fram kva for rettshøve dei vil ha avgjerd om i eit nærare avgrensa område. Det er i samsvar med disposisjonsprinsippet. I praksis vil endringa neppe føre til merkande auke i tal på rettsutgreiingssaker. Lovendringa gjeld for dei tilfella der det ikkje er nødvendig med rettsutgreiing av omsyn til ein rasjonell bruk av området. Dersom det er tvist om eigedomstilhøva, kan det alltid reisast sak. Da står ein att med dei tilfella der det korkje er nødvendig av omsyn til rasjonell bruk, eller er tvist om eigedomstilhøva. Departementet meiner at det berre vil bli reist sak i eit fåtal slike tilfelle. Departementet foreslår såleis å ta bort vilkåret «rasjonell bruk av området».

Departementets lovforslag § 4-1 fører vidare gjeldande jordskiftelov § 88 a så langt det gjeld det materielle innhaldet i bokstavane a til d i lovforslaget. På grunn av dei høyringsuttalane som er komne inn, har departementet endra noko på ordlyden i høve til høyringsforslaget til arbeidsgruppa.

Lovforslaget § 4-1 ramsar opp i bokstavane a til e kvar jordskifteretten kan fastsetje rettar og eigedomstilhøve som eiga sak. Opplistinga er uttømmende. Jordskifteretten kan etter lovforslaget § 4-1 fastsetje innhaldet i rettar og eigedomstilhøve som eiga sak. I jordskifte har jordskifteretten ein vidare kompetanse til å gjere rettsutgreiing fordi det kan vere nødvendig for å halde jordskifte, sjå lovforslaget § 3-13. Meininga med forslaget er at jordskifteretten framleis skal kunne avgjere kven som har eigedomsrett, eller bruksrett, eller kva innhald retten har.

Departementet foreslår i bokstav a at jordskifteretten skal kunne fastsetje innhaldet i rettar og eigedomstilhøve i sameige. Eit uregistert jordsameige etter høyringsforslaget § 4-1 bokstav c er òg eit sameige. Arbeidsgruppa vurderte derfor å ta bort bokstav c. Under tvil meiner ho likevel at omsynet til ei lett forståeleg lov gjorde det best å ha med begge alternativa. Dette er departementet samd i. *Jordskifterettane i Eidsivating jordskifte-*

*dømme* uttaler om høyringsforslaget § 4-1 bokstav a «at ein òg i dette tilfellet bør kunne reise sak der det uklart om det er sameige, jf. formuleringa i bokstav b.» Når det gjeld bokstav a, vil dei ha formuleringa «i sameige, og i område der det er uklart om det er sameige». Departementet meiner at det ikkje er nødvendig å ta dette tillegget med i lova.

Departementet foreslår nokre endringar i § 4-1 b i høve til høyringsforslaget til arbeidsgruppa. Departementet kan ikkje sjå at det er nødvendig å ha med omgrepet «andre». I høyringsforslaget § 4-1 bokstav b er det òg ei endring høve til ordlyden i jordskiftelova § 88 a første ledd. Formuleringa «eller uklart om det er sambruk» er ny, men er i samsvar med gjeldande rett. Konsekvensen av endringa er at både den som pretenderer sambruk, og grunneigar som meiner det ikkje er sambruk, kan krevje rettsutgreiing. Det er eit gode at begge partar står likt til å krevje sak for å få klarlagt kva som gjeld med omsyn til sambruk. Da slepp ein å ha det slik at den som meiner det ikkje er sambruk, må gjere eit tiltak som for eksempel å stengje ein veg med bom, for å presse den som pretenderer sambruk, til å krevje sak. Departementet meiner at forslaget kan føre til klarlegging av sambrukstilhøva utan unødige skjerpinger av motsetnadene.

Departementet har vurdert om ein skal erstatte formuleringa «uklart om det er sambruk mellom eigedommar» i lovforslaget § 4-1 bokstav b med «uklare eigedoms- eller bruksrettsforhold» slik nokre høyringsinstansar går inn for. Departementet meiner formuleringa «uklare eigedoms- eller bruksrettsforhold» er ei for vid formulering som kan skape uklare skilje mellom kva som høyrer inn under tingretten og kva som kan krevjast for jordskifteretten i høve til rettsutgreiing som eiga sak.

Lovforslaget § 4-1 bokstav c gjeld rettsutgreiing ved registrering av uregistert jordsameige. Med heimel i matrikkellova har jordskifteretten kompetanse til å registrere uregistert jordsameige. Etter lovforslaget §§ 3-13 og 3-35 har jordskifteretten òg i eit jordskifte heimel for å rettsutgreie realsameiger, og skipe nye matrikkeleininger etter matrikkellova § 10 femte ledd og slå saman matrikkeleininger i samsvar med matrikkellova § 18 og forskrifter gitt med heimel i matrikkellova. Lovforslaget § 4-1 bokstav c er teken inn for å gi jordskifteretten heimel for å gjere rettsutgreiing som eiga sak etter jordskiftelova. Med «uregistert» jordsameige er meint eksisterande realsameiger som ikkje har eige matrikkelnummer. Ein god del av desse er gamle

sameige som har oppstått ved ufullstendig gards- eller eigedomsdeling. Ved registrering av uregistrert jordsameige, må jordskifteretten klarleggje kven som har del i sameiga, og kor stor del den enkelte har. Ulike konstellasjonar av sameige er drøfta i kapittel 8.12.3. Når jordskifteretten registrerar eit uregistrert sameige, skipast det ei ny matrikkeleining. Regelen i lovforslaget § 3-35 bør i slike høve gjelde tilsvarande. Departementet foreslår ein regel som opnar for dette i lovforslaget § 4-3 sjette ledd.

Lovforslaget bokstav d gjeld samisk reinbeiteområde. Departementet foreslår ikkje endringar her. Dette innebær at det kan gjennomførast rettsutgreiing i reinbeiteområde. Føresegna om rettsutgreiing i reinbeiteområde kom inn i jordskiftelova ved lovrevisjon i 1996, jf. Ot.prp. nr. 28 (1994–95) side 56, og gjeld tilhøvet mellom reindriftsutøvarane og dei andre private rettshavarane. Jordskifteretten kan i slike saker klarleggje og fastsetje eigedoms- og bruksrettstilhøva. Det inneber at jordskifteretten kan å ta stilling til om det ligg føre særlege rettshøve etter reindriftslova § 4 andre ledd, og å klarleggje kva slags innhald reindriftsretten har på dei aktuelle eigedommane. Ein kan likevel ikkje bruke føresegna til å avklare rettar internt i reindrifta, for eksempel mellom si-daer.

I Meld. St. 9 (2011–2012) Landbruks- og matpolitikken punkt 7.4.6 foreslår departementet å gi jordskifteretten kompetanse til òg å gjere rettsutgreiing internt i reindrifta. Dette vil departementet følgje opp som eiga sak, sjå omtale av dette i kapittel 2.3.

Departementet meiner som arbeidsgruppa at jordskifteretten skal ha kompetanse til å fastsetje rettar og eigedomstilhøve i område der det er sambruk av uteareala som ligg til eigarseksjonar, som eiga sak, sjølv om talet saker truleg ikkje blir så stort slik jordskifteoverrettene er inne på i si høyringsuttale. Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme meiner at jordskifteretten òg bør kunne gjere rettsutgreiing på dei interne tilhøva i personlege sameiger, sjå kapittel 9.2. Departementet meiner det ikkje er grunnlag for å følgje opp synspunkta til jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme. Jordskifteretten kan ikkje seiast å ha spesialkompetanse på slike retts spørsmål og da er det grunn til å tru at jordskifteretten ikkje kan dekkje eit behov for betre kompetanse. Departementet meiner såleis at tingretten bør ha kompetansen aleine. Spørsmålet er heller ikkje drøfta i høyringsnotatet.

Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme saknar ein rein heimel til å avgjere tvist

om eigedomsrett i eiga sak, sjølv om grensene er klare, sjå kapittel 9.2. Det gjer dei fordi dei i dag får ein del tvilsamme grensesaker, der sjølv problemet er tvist om eigedomsretten. For å unngå slike meir eller mindre fiktive grensetvistar, og for å kunne behandle alle saker, vil det etter deira mening vere betre å ha ein generell heimel til å kunne behandle slike tvistar. Dei foreslår ein ny bokstav f som inneber at jordskifteretten skal kunne fastsetje innhaldet i eigedomstilhøva «i område der eigedomsretten til areal er uklar». Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme uttaler mellom anna at «dersom ein ønskjer ei klar avgrensing av heimelen, kan ein ev. setje som vilkår at areala manglar eigarinformasjon i matrikkelen, eller at det er uklart om eigarinformasjonen i matrikkelen er rett». Dei peikar på at jordskifteretten allereie avgjer slike spørsmål, sjå gjeldande jordskiftelov §§ 16 og 17. Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme synest å vere inne på noko av det same i si uttale. Dei meiner mellom anna at det er grunnlag for å foreslå ein eigen heimel for jordskifteretten til å behandle uklare eigedomstilhøve. Dei uttaler mellom anna at jordskifteretten i ei jordskiftesak har heimel til å avgjere spørsmålet om kven som er grunneigar til eit areal. Det kan jordskifteretten dersom det er tvist og ei avgjerd er nødvendig for å halde eit jordskifte. Dette følgjer av gjeldande jordskiftelov § 17 første ledd. Reisast derimot eit slikt spørsmål aleine, peikar dei på at det straks er noko meir usikkert om jordskifteretten har heimel til å avgjere dette. Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme meiner jordskifterettane bør få utvida heimel til å halde rettsutgreiing i spørsmål der partane ønskjer å få avklart kven som er den rettmessige eigar av eit bestemt areal. Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme foreslår òg ein ny bokstav f, med same ordlyd som forslaget til jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme. Dei uttaler at ein kan avgrense heimelen slik òg jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme er inne på.

Departementet ser at jordskifterettane frå tid til annan etter at eit krav om sak har kome inn må vurdere om dette er ei sak om eigedomsretten til areal, eller om det er ei sak om grensefastsetjing. Departementet forstår at grunneigarar, eller at dei som påstår å vere grunneigarar, kan synest at dette skiljet kan verke noko underleg. Det same gjer jordskifterettane i Agder jordskiftedømme. Departementet meiner likevel det er gode grunnen for dette skiljet.

Jordskifteretten er ein særdomstol. Det ligg i sjølv ordninga med særdomstolar at dei skal ha grenser for sin kompetanse. Dei bør ha fortrinn

når det gjeld kompetanse samanlikna med dei allminnelege domstolane som gjer dei vesentleg betre eigna til å behandle spørsmåla. Når det gjeld utforming av fast eigedom, har jordskifteretten eit klart fortrinn når det gjeld kompetanse samanlikna med tingretten. Det tradisjonelle jordskiftet er å forme ut eigedommar på nytt slik at dei blir tenlege etter tida og tilhøva. I dei rettsfastsetjande sakene er merksemda òg retta mot eigedommane. I saker om grensefastsetjing avgjer retten kvar grensene går. Dette er tvillaust knytt til eigedommane sin form og bruk. I saker om rettsutgreiing fastset jordskifteretten innhaldet i rettar og eigedomstilhøve.

Når det gjeld eigarsituasjonen og suksessjonane på eigarsida, har ikkje jordskifteretten noko tilsvarende fortrinn samanlikna med tingretten. Det kan tvert om vere slik at det her kjem opp juridiske problemstillingar som har lite med utforminga av eigedommane å gjere. Eksempel kan vere arv, skifte, slektskap og avtalerettslege tilhøve. Slike tvistar hører heime i tingretten når det gjeld anna enn fast eigedom. Departementet meiner at jordskifteretten ikkje har opparbeidd ein så sterk kompetanse på dette området at det aleine er tilstrekkeleg grunn til å opne for parallell kompetanse mellom dei to domstolane.

Når jordskifterettane i Agder og Eidsivating jordskiftedømmer viser til at partar må «konstruere» grensesak for å få saka inn for jordskifteretten, ser departementet det slik at desse partane prefererer jordskifteretten framfor tingretten. Det kan vere mange årsaker til at nokre partar har ein slik preferanse. Departementet har ikkje informasjon om omfanget av slike «konstruksjonar». Der som det hadde vore eit gjennomgåande problem av stort omfang over tid, legg departementet likevel til grunn at problemet hadde vore teke opp som sjølvstendig tema i ein annan samanheng. Sjølv om «konstruerte» saker om grensefastsetjing i seg sjølv kan seiast å vere ei tillitserklæring til jordskifteretten, er det etter departementets mening ikkje tilstrekkeleg grunn til å flytte grensene for kva særdomstolen skal gjere.

Departementet ser at eigarar og rettshavarar har behov for å få avklart kven som har den aktuelle retten. Når det er tvist om dette, blir det sak for tingretten.

Departementet viser òg til at for jordskifteretten er det ikkje nødvendig med tvist for å ta opp ei sak. Departementet meiner at det bør liggje ei særleg vurdering til grunn for å ta bort kravet om tvist når det gjeld rettsleg avgjerd av spørsmål om kven som er eigar. Kvifor skal det vere ein slik

særregel for ein bestemt type av formuesgode? Ei slik vurdering var ikkje med i høyringa.

Departementet meiner at det ikkje er rett å utvide kompetansen til jordskifteretten til generelt å kunne avgjere saker om eigedomsrett òg i dei tilfella grensene er klare.

Slik departementet ser det, vil forslaget til ny bokstav f ikkje løyse problema sjølv om ein legg inn den heimelsavgrensinga som jordskifterettane i Eidsivating og Agder jordskiftedømmer peikar på. Eit slikt forslag er dessutan ikkje hørt.

Departementet meiner jordskifteretten bør ha kompetanse til å avgjere tvist om underliggjande rettshøve i ei sak om rettsutgreiing. Slik kompetanse har jordskifteretten i gjeldande jordskiftelov. Jordskifteretten skal etter gjeldande jordskiftelov § 17 tredje ledd, etter krav frå ein part avgjere tvist om underliggjande rettshøve. Jordskifteretten skal gjere dette når det er nødvendig å ta stilling til tvisten for at saka skal kunne avgjerast. Departementet meiner det ikkje er nokon grunn til å endre desse reglane, og foreslår å føre dei vidare i lovforslaget § 4-4.

Lovforslaget § 3-34 seier at jordskifteretten kan fastsetje reglar for bruken av eigedommane i jordskifteområdet som skal gjelde frå det tidspunktet saka etter § 6-19 første ledd ikkje lenger kan trekkjast utan samtykke frå jordskifteretten, og fram til jordskiftet er gjennomført.

Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme og jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme foreslår at heimelen for å fastsetje mellombelse reglar for eit jordskifteområde òg bør gjelde for saker om rettsutgreiing og grensefastsetjing. Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme uttaler om dette:

«Som døme kan nemnast tvist om vegrett. I fleire tilfelle har krav om rettsutgreiing om vegrett kome etter at den eine parten fysisk har stengd vegen. I slike tilfelle bør jordskifteretten kunne gi reglar om bruken fram til tvisten er avklart, eventuelt og skjønn avheimla. Jordskifteretten har den naudsynte saklege kompetansen. Alternativt må partane setje fram krav om mellombels forføyning hjå tingretten om same tvistegjenstand. ... Vi meiner det kan vere hensiktsmessig også i rettsfastsettande saker å gi mellombelse bruksreglar fram til tvisten vert avklart. Typisk vil vere grensegang eller rettsutgreiing for private vegar, der til dømes ein av partane har sett opp sperring. Etter vårt syn har jordskifteretten god kompetanse på å lage praktiske reglar fram til dom i saka er rettskraftig avgjort. Vi trur også det vil vere

lettare for partane å halde seg til berre ein rettsinstans når slike problem dukkar opp. Om slik mellombels ordning høyrer inn under § 3-30 er vi litt usikre på, men vår intensjon er å få denne oppgåva med i lovteksten.»

Ein part i sak om rettsutgreiing eller grensefastsetjing kan be tingretten om å gjere ei «midlertidig forføyning» når atferda til ein annan part gjer det nødvendig med ei midlertidig sikring av kravet. Det kan parten gjere når forfølginga av kravet elles vil bli vesentleg vanskeleggjort, sjå tvistelova § 34-1 (1) bokstav a. Det same gjeld når det finst nødvendig for å få ei midlertidig ordning i eit omtvista rettshøve for å hindre ei alvorleg skade eller ulempe, eller hindre vald som veremåten til parten gir grunn til å frykte for, sjå tvistelova § 34-1 (1) bokstav b. Midlertidig forføyning kan ikkje gjerast dersom den skade eller ulempe som saksøkte blir påført står i openbart mishøve til den interesse saksøkjaren har i at midlertidig forføyning gjerast, sjå tvistelova § 34-1 (2). Parten kan ikkje rette slike krav til jordskifteretten fordi tvistelova kapittel 34 ikkje er gjort gjeldande for jordskiftrettane, sjå lovforslaget § 6-1.

Jordskifteretten har fagleg kompetanse til å gi reglar for bruken av fast eigedom. Han har den kompetansen som skal til for å gi reglar om bruk av vegar. Som Gulating jordskiftedømme er inne på kan det vere behov for å gjere noko når det for eksempel ligg føre ein tvist om vegrett. I fleire tilfelle har krav om rettsutgreiing om vegrett kome etter at den eine parten fysisk har stengd vegen. I slike høve kunne det ha gode grunnar for seg å gi jordskifteretten moglegheit til å kunne gi reglar om bruken fram til tvisten er avklart, eller at eit eventuelt skjønn er avheimla. Departementet er likevel kome til at ein ikkje vil foreslå å gi jordskifteretten ein slik moglegheit. Ein har ingen garanti for at den det gjeld vil etterkome reglane, eller følge eit påbod om å fjerne bommen. Oppfølginga av reglane eller påbod kan bli vanskelege. Spørsmålet om å gi jordskifteretten kompetanse til å gi mellombels reglar i saker om rettsutgreiing og grensefastsetjing er ikkje hørt. Departementet vil etter dette ikkje foreslå reglar som gir jordskifteretten heimel til å gi mellombelse reglar.

## 10 Grensefastsetjing

### 10.1 Innleiing

Departementet foreslår å plassere reglane om grensefastsetjing i eit kapittel saman med reglane om rettsutgreiing, sjå kapittel 9 ovanfor. Departementet meiner reglane systematisk bør kome etter kapittel 3 om jordskifte, og foreslår at dei blir plassert i Kapittel 4 Rettsutgreiing og grensefastsetjing og anna.

Gjeldande jordskiftelov § 88 gir jordskifteretten kompetanse til å klarleggje, merkje av og beskrive grenser for eigedom og bruksrett (grensegang). Avgjerda i ei grensesak gir svar på kvar grensene går, og på kva for eigedommar som grenser til kvarandre. Lovforslaget § 4-2 første ledd fører i hovudsak vidare gjeldande reglar om grensegang, i lovforslaget kalla grensefastsetjing. Forslaget inneheld ei opprekning av kva for eigedommar jordskifteretten kan halde sak om grensefastsetjing for. Det er ikkje meininga at opprekninga skal vere uttømmmande. Etter andre ledd skal jordskifteretten merkje og koordinatfeste grenser etter reglane i lovforslaget § 6-29.

Det er ikkje meininga å utvide kompetansen til jordskifteretten etter gjeldande jordskiftelov § 88 for grenser som blir etablert ved vedtak om råderettsinnskrenkingar.

Departementet har vurdert korleis ein på best mogleg måte skal få fram kompetansen til jordskifteretten i grensesak knytt til vedtak om råderettsinnskrenkingar. Ein kan for eksempel skilje ut bokstav f som eige ledd i lovforslaget § 4-2, eller flytte regelen til lovforslaget § 4-3 Andre reglar om grensefastsetjing. Departementet kan ikkje sjå at det er nødvendig å skilje ut kompetansen jordskifteretten har i vernesaker i eit eige ledd i lovforslaget § 4-2, eller at det er nødvendig å flytte kompetansen til lovforslaget § 4-3 for å sikre at det ikkje oppstår uklarheit om rekkevidda av kompetansen til jordskifteretten.

Lovforslaget § 4-3 inneheld reglar av noko ulik karakter. Etter lovforslaget § 4-3 første ledd kan jordskifteretten ta avgjerder om gjerdehald for den grensestrekninga som er til behandling. Departementet foreslår i § 4-3 andre ledd at jord-

skifteretten kan justere grenser etter matrikellova § 16. Løysinga fører til at kompetansen blir den same for jordskifteretten og lokale matrikelmyndigheiter slik at at jordskifteretten kan overføre mindre areal. I tredje ledd er det ei tilvising til bygdeallmenningslova og statsallmenningslova og den kompetansen jordskifteretten har til å behandle grensespørsmål etter dei lovene. I fjerde ledd finn ein att den kompetansen jordskifteretten har til å fastsetje slike grenser som er nemnde i vassdragslova §§ 2, 3 og 4.

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 4-4 reglar for fastsetjing av grenser, rettar og anna ved semjedom. Departementet foreslår ikkje reglar om semjedom som avgjerdsform, men foreslår i staden andre reglar om saksbehandlinga av forslag til fastsetjing av grenser i lovforslaget § 6-22.

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 4-5 å utvide verkeområdet for gjeldande jordskiftelov § 89 a til òg å gjelde saker som gjeld rettskraftige dommar frå utmarkskommisjonen for Finnmark i tillegg til Nordland og Troms. Arbeidsgruppa foreslår spesialreglar for behandlinga av desse grensesakene i høyringsforslaget kapittel 4 i staden for i kapittel 6 om saksbehandling. Departementets forslag inneber at det ikkje blir ein eigen paragraf i jordskiftelova for handteringa til jordskifteretten av særlege saker om grensegang i Nordland, Troms og Finnmark. Finnmarkslova § 45 gir reglar for kva jordskifteretten kan gjere i slike saker i Finnmark. I lovforslaget § 4-3 femte ledd står det at jordskifteretten set i verk grensemerking i terrenget, koordinatfesting og kartlegging etter finnmarkslova § 45.

Jordskifteretten skal etter gjeldande jordskiftelov § 17 tredje ledd, etter krav frå ein part avgjere tvist om underliggjande rettshøve. Jordskifteretten skal gjere dette når det er nødvendig å ta stilling til tvisten for at ei sak om grensefastsetjing skal kunne avgjerast. Jordskifteretten kan avgjere tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett eller anna. Departementet foreslår å føre vidare denne kompetansen i lovforslaget § 4-4.

## 10.2 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å erstatte omgrepet grensegang med grensesak. Ho foreslår å harmonisere reglane i matrikkellova og jordskiftelova så langt det ikkje er gode grunnar for noko anna. Arbeidsgruppa foreslår såleis i høyringsforslaget § 4-2 bokstavane a til e, å knyte ein vesentleg del av kompetansen som jordskifteretten har til å halde grensesak til typane av fast eigedom i matrikkellova. Det var likevel ikkje meininga at tilknyttinga til matrikkellova skal føre til at jordskifteretten mister heimelen til halde grensesak for grenser som er eit resultat av hevd, alders tids bruk eller andre formar for eigedomsdanning som ikkje er regulert i matrikkellova.

Arbeidsgruppa foreslår, som ein ny regel at jordskifteretten kan halde grensesak for anleggseigedom og for utomhusareal som ligg til eigarseksjonar, jf. høyringsforslaget § 4-2 bokstav c. Forslaget inneber at partane òg på desse nye områda skal kunne velje mellom tingrett og jordskifterett for å få fastsett ei eksisterande grense.

Arbeidsgruppa foreslår òg at jordskifteretten skal ha kompetanse til å klarleggje, fastsetje og merkje grensar for servituttar, offentleg regulering av eigarrådvelde og samisk reinbeite. Dette går fram av høyringsforslaget § 4-2 bokstavane f til h.

Jordskifteretten kan etter jordskiftelova § 89 avgrense eller avvise grensegangssak. Arbeidsgruppa foreslår å ta bort pålegget om at jordskifteretten mest mogleg skal avgrense saka til å gjelde klarlegging av omtvista grenser, og berre gjere strengt nødvendige avmerkings- og målearbeid, dersom det i eit område er grunn til å rekne med endringar i grensetilhøva som følgje av jordskifte. Arbeidsgruppa foreslår òg å ta bort regelen om at ein ikkje utan særleg grunn skal fremje grensegang over store samanhengande område. Dette gjeld dei tilfella saka vil få karakter av å vere eit systematisk merkje- og målearbeid meir enn eit samla klarleggingsarbeid for grensene.

Arbeidsgruppa meiner at jordskifteretten bør ha same moglegheit til å justere grenser som den lokale matrikkelstyresmakta. Ho foreslår derfor å gjere matrikkellova § 16 gjeldande, jf. høyringsforslaget § 4-3.

Arbeidsgruppa foreslår å gi jordskifteretten heimel til å ta avgjerd om gjerde i den grensestrekninga som er til behandling i ei grensesak, høyringsforslaget § 4-2 andre ledd, som viser til høyringsforslaget § 3-28 om gjerdeplikt og gjerdehald.

Arbeidsgruppa foreslår å utvide verkeområdet for jordskiftelova § 89 a til òg å gjelde saker som gjeld rettskraftige dommar frå utmarkskommissjonen for Finnmark i tillegg til Nordland og Troms, høyringsforslaget § 4-5. Forslaget har same innhald som ein finn i finnmarkslova § 45. Arbeidsgruppa foreslår spesialreglar for behandlinga av desse grensesakene i høyringsforslaget kapittel 4 i staden for i kapittel 6 om saksbehandling, jf. høyringsforslaget § 4-6.

## 10.3 Høyringsinstansane

### 10.3.1 Grensesak, høyringsforslaget § 4-2

*Justisdepartementet* uttaler at dei

«støtter forslaget om å harmonisere reglane i jordskifteloven med reglane i matrikkelloven. Den utvidelse dette medfører for jordskifterettens kompetanse – blant annet grensesak for anleggseiendom – er velbegrunnet hensett den særlege kompetanse jordskifteretten besitter. Vi støtter også forslagene om å fjerne vilkårene for grensesak.»

*Miljøverndepartementet* uttaler til høyringsforslaget § 4-2:

«Det bør presiseres her eller i definisjonsbestemmelsen at grensesak gjelder klargjøring av eksisterende grenser. Grensesak omfatter klargjøring og merking av flere typer grenser enn de som skal registreres i matrikkelen. Landbruksdepartementet bør utrede nærmere, før departementet eventuelt legger fram forslag til ny jordskiftelov, om det er behov for å sørge for registrering i matrikkelen av alle typer grenser som det er behov for å holde grensesak for. Miljøverndepartementet vil bidra til en slik utredning.»

Miljøverndepartementet etterlyser ei betre grunngeving for å avvise forslaget om ikkje å krevje oppmålingsforretning eller behandling i forlikrådet forut for behandling av grensesak i jordskifteretten. (Dette gjeld vel kap 6). Miljøverndepartementet stiller spørsmål ved der det går fram i høyringsforslaget at «vilkåret for grensesak er at grensa er uklar, det vil seie ikkje merka eller nedskrive (i dag: koordinatbestemt)».

Domstoladministrasjonen (DA) uttaler generelt at rettsutgreiing og grensegang utgjør hovudtyngda av arbeidsmengda til jordskiftedomstolane. DA uttaler derfor at det er «viktig at reglane



knyttet til disse sakstypene er lett tilgjengelige og forståelige for brukerne av loven. Etter DA sin vurdering har man i lovutkastet lagt et godt grunnlag for dette.» DA uttaler òg:

«En vesentlig endring i lovutkastet er at det foretas en konkret opplisting av hvilke grenser jordskifteretten skal kunne behandle. Begrunnelsen for dette er ønsket om en harmonisering av matrikkelloven. DA er usikker på om dette er en heldig lovteknikk fordi opplistingen lett kan bli oppfattet som uttømmende og dermed begrense og skape uklarhet i forhold til jordskiftedomstolens kompetanse i grensesaker.»

Når det gjeld harmonisering til matrikkellova, ber DA

«departementet vurdere hvorvidt dette bør avklares på en tydeligere måte i særmerkna-dene til bestemmelsen, alternativt at det vurderes tatt inn en tilleggsbestemmelse som klargjør at jordskifteretten har kompetanse til å ta stilling grenseforhold i alle typer eiendommer, også de som ikke er nevnt i matrikkelloven.»

DA kjem etter dette med eit forenkla forslag til føresegn samtidig som omgrepet «alle former for fast eigedom» blir brukt i innleiinga i bokstav a) før tilvisinga til matrikkellova.

Den generelle kommentaren til *Jordskifteoverrettane* er

«at jordskifterettane bør få heimel til å avgjere «tvistar» om fast eigedom, også i dei tilfella der det er påstand om eineiege og eigedomsgrensene er klare. Tvilstilfelle, om jordskifteretten har heimel til å handsame grensesaka eller ikkje, medfører unødig prosess. Den særlege kompetanse jordskifterettane har i slike spørsmål, og det faktum at jordskifteretten og kan finne ut av slike forhold utan at det er nødvendig å reise det som ein rettsleg tvist understrekar etter vårt syn at tida no er inne til å gi jordskifterettane ein slik generell heimel.»

Jordskifteoverrettane uttaler òg om høyringsfor-slaget § 4-2:

«Ei vesentleg endring i lovutkastet er at § 4-2 gir ei uttømmende opprekning av kva grenser jordskifteretten kan handsame. Dette er gjort etter mønster av reglane i matrikkellova. Vi meiner ei slik opplisting lett kan bli oppfatta

som uttømmende og dermed avgrense jordskifteretten sin kompetanse i grensesaker. I følge § 4-2 første ledd bokstav f står det at jordskifteretten kan klarleggje, fastsetje og merkje grenser for alle former for servituttar. Vi legg til grunn at dette også omfattar personlege servituttar.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* uttaler:

«Opplistinga i første ledd er uttømmende, det er og linka opp til matrikkellova 5 stader. Me er usikre på om dette er romsleg nok. Endringar i matrikkellova kan få utilsikta verknad for jordskiftelova. Som arbeidsgruppa og har drøfta, vil me peike på at jordskifteretten ikkje må vere bunden av systemet i matrikkellova. Her kan nemnast fastsetjing av ikkje formaliserte rettar, så som ved hevd eller alders tids bruk. Det kan diskuteras om jsr bør bruke tid på saker som i § 4-2 g. Vi meiner denne heimelen bør oppretthaldast, m.a. fordi vi ser at det i slike saker er trong for å justere/tilpasse grenser i forhold til eigedomsgrenser, veger m.m., og at jsr her har best kompetanse. Men slike saker bør ha låg prioritet. Bortsett frå dei store verneområda, kan slike saker nyttast som utfyllande teknisk arbeid. Arbeidet med å merke vernegrenser har kravd store ressursar hjå jordskiftedomstolen. I mange saker har dette vore reine merkesaker som like godt kunne vore utført av private oppmålingsfirma. Det er svært uheldig om jordskifteretten blir oppfatta som eit gjennomføringsorgan for verneinteressene. Det er vår erfaring at representanten frå Fylkesmannen har meint at han kan instruere jordskifteretten om kvar og korleis det skal merkast.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* stør innhaldet i høyringsforslaget § 4-2 i all hovudsak. Dei uttaler mellom anna at dei er

«glade for at alle former for servituttar har kome inn i bokstav f. Det same gjeld endring/ tillegg om å kunne fastsette reglar for gjerde-hald i grensesak. Begge deler er svært aktuelt og praktisk.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* uttaler:

«Slik paragrafen er formulert, må den vel vere meint å skulle vere uttømmende. Når det blir vist til dei enkelte bestemmelsane i matrikkell-

oven, vil det lett gi tronge rammer for innhaldet. For å opne for andre eventualitetar, kunne formuleringa vore meire generel.»

Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommarane i Frostating jordskiftedømme kjem etter dette med eit framlegg til lovtekst: «Jordskifteretten kan klarlegge, fastsette og merke grenser for fast eigedom og bruksrett, unnateke innomhusgrenser i eigarseksjonar». Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommarane i Frostating jordskiftedømme uttaler:

«Dersom ein skal halde fast ved opplegget frå arbeidsgruppa, bør det vurderast om formuleringa dekkjer alt som kan vere aktuelt. Arbeidsgruppa har sjølve peika på at jordskifteretten ikkje i eitt og alt skal vere bunden av systemet i matrikkelloven, jfr m.a merknadene frå arbeidsgruppa, s. 69 om heimelen jordskifteretten skal ha til å halde grensesak for grenser som ikkje er formalisert tidlegare (hevd, alders tids bruk oa.). Vi meiner også at bokstav e er uheldig utforma. Det blir vist matrikkelloven § 5 bokstav e, men heile denne bestemmelsen er ordrett tatt inn i lovforslaget. Eit lite mindretal meiner klarlegging og fastsetting av grenser for offentleg regulering av eigarrådvelde må vere ei oppgåve for det offentlege organet som har myndigheit til slik regulering. Grensemerkinga kan jordskifteretten ta seg av, dersom ikkje andre kan ta seg av det tekniske arbeidet.»

*Jernbaneverket* uttaler om høyringsforslaget § 4-2 at den formelle saklege kompetansen er framstilt tydeleg i høve til matrikkellova sine definisjonar. Det er eit gunstig utgangspunkt for den naturlege utvidinga av kompetansen som føresegna fører til.

*Statens kartverk* ser det som positivt at alle typar matrikkeleiningar er nemnde i høyringsforslaget § 4-2.

*Tekna* meiner det er uheldig at tvistesaker om grense alternativt kan bringast inn for dei alminnelege domstolane for avgjerd. Dei uttaler:

«De alminnelige domstoler har ikke, og det er utenkelig at de vil kunne få det nødvendige tekniske apparat til å håndtere de tekniske arbeidsoppgaver som alltid vil inngå i en grensesak, så vel på klarleggings- og utredningsstadiet som i avslutningsfasen. At det likevel er valgfrihet m.h.t. hvilken domstol saken bringes

inn for, kan gi de aktuelle brukere et inntrykk av at også de alminnelige domstoler har et tilfredsstillende teknisk apparat til å behandle slike saker godt. Loven bør heller bygges opp slik at brukerne ledes til det tvisteorgan som har de beste forutsetninger for både god og rask løsning. Det bør derfor etter Teknas mening, både av ovennevnte hensyn, men også av prosessøkonomiske hensyn vurderes en lovendring som henviser alle grensesaker til jordskifteretten.»

### 10.3.2 Grensejustering, høyringsforslaget § 4-3

*Miljøverndepartementet* uttaler at grensejusteringa ikkje må

«skape forhold som kommer i strid med rettslig bindende planer etter plan- og bygningsloven mv, jf. bl.a. regelen i plan- og bygningsloven § 63 [ny § 26-1] om at det ikke må skapes tomter som etter kommunens skjønn er mindre vel skikket til utbygging på grunn av størrelse eller form. Vi antar at jordskifteretten også må sørge for at grensejusteringa ikke kommer i strid med konsesjonsloven eller jordlova. Endringer av grenser internt i et eierseksjonssameie vil kunne kreve reseksjonering av sameiet.»

*Domstoladministrasjonen (DA)* uttaler at høyringsforslaget § 4-3 om grensejustering med fordel kan gjerast tydeleg slik at det klart går fram at grensejustering kan skje etter krav frå ein av partane. Ved usemje avgjerast saka etter høyringsforslaget § 3-3.

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* uttaler:

«Reglene om grensejustering er opprettet for at oppmålingsetatene i kommunene skal kunne justere grenser ensidig for mindre arealer uten å gå vegen om delingsvedtak. Etter siste forskrift er handlingsrommet på 5 % eller maksimalt 0,5 daa. Dette har vært praktisert av tinglysningen selv om forskriften ikke har vært vedtatt. Det må vurderes om denne regelen er brukbar for jordskifterettene og om vi i det hele tatt driver med ensidig grensejustering slik det er ment i matrikkelloven. Dersom dette ikke er aktuelt, bør denne paragrafen endres eller fjernes.»

### 10.3.3 Fastsetjing av grenser, rettar og anna ved semjedom, høyringsforslaget § 4-4

*Justisdepartementet* stiller spørsmål ved om den særlege reguleringa av retten som partane har til kontradiksjon etter tredje ledd er nødvendig. Dei seier at ein slik rett allereie følgjer av den generelle føreseigna i høyringsforslaget § 6-18 fjerde ledd.

*Domstoladministrasjonen* uttaler at høyringsforslaget § 4-4 etter sitt innhald er ei rein saksbehandlingsføresegn. For systematikken si skuld bør denne føreseigna takast ut av kapittel 4, og flyttast til kapittel 6.

*Jordskifteoverrettane* er samde i at det i saker der det ikkje er tvist om grenser, rettar og anna skal kunne avseiast ein semjedom. Dei uttaler likevel

«at regelen burde stå som ein generell saksbehandlingsregel i kapittel 6, og ikkje der den no er plassert. Reglane i § 17a om framgangsmåten ved rettsfastsettande vedtak er i utkastet til § 4-4 forenkla vesentleg. Etter vårt syn er det viktig at ein semjedom berre skal nyttast i dei høve der partane er samde om ei løysing. Dersom ein part protesterer er ikkje partane samde, og då er vilkåret for å avseiast semjedom ikkje til stades. Vidare må regelen gi jordskifteretten høve til å setje fram eit forslag til semjedom, utan at dommar og meddommar blir inhabil i den vidare handsaming av ein eventuell tvist. Retten si oppgåve blir her å vidareformidle den semje partane har diskutert seg fram til på ein slik måte at retten ikkje har tatt stilling til det rettslege spørsmålet. Vidare blir det viktig at regelen har nokre prosedyrekrav til kva som er minstekravet for at retten kan konstatere at partane er samde, at det ikkje er tvist. Etter vårt syn bør det vere slik at dei partane som ikkje har uttalt seg til eit konkret framlegg i rettsmøte, skal få ein frist til skriffleg å uttale seg. Dersom det ikkje blir protestert innan ein gitt frist, kan semjedom avseiast i tråd med framlegget. Det må då stillast krav til at utkastet til semjedom er komen fram til partane, t.d. ved at det blir stilt krav om forkynning av utkastet. Mange jordskifterettar nyttar i dag «rettsfastsettende vedtak» som avgjerdsform for grenseskildring og avsluttande oppstilling av rettar og plikter m.v. Denne avgjerdsforma blir nytta til å gi rettskraftsverknad til sluttresultatet av alt arbeidet som er gjort i saka. Etter vårt syn er det ikkje slik denne avgjerdsforma var meint brukt då den blei innført i 1999. I

samband med innføring av semjedom blir det viktig at lovforarbeida seier noko om når ei slik avgjerdsform skal nyttast. Vi meiner § 4-4 må flyttast til kapittel 6 og arbeidast med ut frå den uttalen vi har gitt ovanfor.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler om høyringsforslaget § 4-4 at omgrepet «bruksrett, tyngsler» bør erstattast av «servituttar». Dei meiner det ikkje er nokon grunn til å grunngi det partane er samde om. Jordskifterettane i Eidsivating ser på høyringsforslaget § 4-4 som ein generell saksbehandlingsregel. Det meste av første ledd i høyringsforslaget § 4-4 står i høyringsforslaget § 6-19 tredje ledd. Dei uttaler at paragrafen kanskje høyrer meir heime i kapittel 6 om saksbehandling, enten før eller etter høyringsforslaget § 6-23 om rettsforlik.

### 10.3.4 Særlege grensesaker i Nordland, Troms og Finnmark, høyringsforslaget § 4-5

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* peikar på at Utmarkskommissjonen blei lagt ned ved tvistelova av 17.6.2005 nr. 90. Dei uttaler:

«Siden kommissjonen er lagt ned og loven er opphevet, vil kommissjonen ikke sende flere saker til jordskifteretten. De foreliggende sakene som allerede er mottatt og som er under behandling i jordskifterettene, er «krevd» etter eksisterende jordskiftelov og skal gjennomføres etter denne. Det er derfor ikke behov for en regel om utmarkskommissjonen for Nordland og Troms i den nye jordskifteloven. Flere av jordskifterettene i Hålogaland mener at merking av grenser fastsatt av Finnmarkskommissjonen/Finnmarksdomstolen er ren forvaltningsvirksomhet som kan foretas av andre. Dersom jordskifteretten skal ha denne oppgaven, og det viser seg at arbeidet blir omfattende, må det tilføres økonomiske og personalmessige ressurser.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* er delt i synet på høyringsforslaget §§ 4-5 og 4-6. Fleirtalet av jordskifterettane i Eidsivating

«meiner at begge paragrafane bør strykast av prinsipielle grunnar, fordi dette ikkje er ei oppgåve for jordskifteretten. Dersom også avklaringsarbeidet var lagt til jordskifteretten, ville forholdet ha vore eit heilt anna. Når no situasjonen er slik, er dette reine oppmerkings- og innmålingsoppgåver som kommune eller private

oppmålingsfirma heller bør ta. Eit mindretal meiner jordskifteretten med vår tekniske kompetanse er best egna til å utføre dette arbeidet, slik vi gjer det i slike saker etter jordskiftelova. Samfunnet har konstatert dette og gitt oss oppgåva, og då bør vi takka ja. Dersom jordskifteretten skal ha desse oppgåvene, meiner vi det er viktig at jordskifteretten får tilført nødvendige økonomiske og personellmessige ressurser, slik at desse oppgåvene ikkje går ut over dei ordinære jordskifteoppgåvene.»

### 10.3.5 Særlege reglar for saker etter høyringsforslaget § 4-6

*Justisdepartementet* meiner andre ledd er overflødig. Dei uttaler:

«Det er plikten til å betale gebyr eller kostnader som krevjer lovregulering – dersom det ikkje foreligger en uttrykkelig hjemmel for å kreve gebyr eller for å kreve dekket kostnader, er saken gebyrfri. Informasjonen som bestemelsen inneholder, bør etter vår vurdering gis på annan måte enn gjennom en egen lovbestemmelse.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* er delt i synet på høyringsforslaget §§ 4-5 og 4-6, sjå punkt 10.2.4.

## 10.4 Departementets vurderingar

### 10.4.1 Frå «grensesak» til «grensefastsetjing»

Arbeidsgruppa foreslår å bruke omgrepet grensesak i overskrifta til § 4-2. Departementets lovforslag inneber at dette omgrepet ikkje lenger er heilt dekkjande. Departementet foreslår i staden at overskrifta til § 4-2 skal vere «grensefastsetjing».

### 10.4.2 Ny systematikk

Gjeldande paragrafar om grensegang i jordskiftelova, skil ikkje klart mellom saksbehandlingsreglar, reglar om kompetanse og andre reglar. Ein finn for eksempel reglar om kravskompetanse, kompetansen til jordskifteretten og reglar om saksbehandling i same paragraf. Departementet meiner dei beste grunnar talar for eit betre skilje mellom reglar om saksbehandling og reglar om kompetanse enn i gjeldande reglar.

#### 10.4.2.1 Reglar om saksbehandling

Reglane for jordskifte gjeld etter gjeldande jordskiftelov § 89 første ledd første punktum på tilsvarende måte for grensegang så langt dei høver.

I gjeldande jordskiftelov § 88 første, andre og tredje ledd er det reglar om kven som kan krevje sak når det gjeld grensegang. Ein finn òg reglar om saksbehandling i jordskiftelova § 88 fjerde ledd første punktum. Leddet handlar mellom anna om kva innhald krav om grensegang skal ha.

Jordskifteretten skal etter § 88 femte ledd første punktum prøve å få regulert ulagelege grenser ved minneleg makeskifte. Regelen om korleis jordskifteretten skal gå fram, er ein regel om saksbehandling.

I gjeldande jordskiftelov § 89 første ledd andre punktum står det at gjeldande jordskiftelov § 3 bokstav a berre gjeld når grensene skal regulert. Departementet foreslår ei harmonisering i høve til matrikkellova § 16. Det vil seie at jordskifteretten kan gjere grensejustering, og at han mister heimelen til å gjere jordskiftemessige arealbyte utover det som matrikkellova opnar for. Lovforslaget § 3-18 som erstattar gjeldande jordskiftelov § 3 bokstav a gjeld ikkje ved grensejustering etter lovforslaget § 4-3 andre ledd, sjå kapittel 10.4.11.

Er det i eit område grunn til å rekne med endringar i grensetilhøva ved jordskifte, så skal jordskifteretten etter gjeldande jordskiftelov § 89 tredje punktum mest mogleg avgrense saka til å gjelde klarlegging av omtvista grenser og berre strengt nødvendige avmerkings- og målearbeid. Utan særleg grunn skal heller ikkje grensegang fremjast over store samanhengande område der saka vil få karakter av å vere eit systematisk merkje- og målearbeid meir enn eit samla arbeid for å klargjere grensene, sjå gjeldande jordskiftelov § 89 første ledd fjerde punktum.

Departementet meiner ein i størst mogleg grad bør samle reglar om saksbehandling i lovforslaget kapittel 6. Departementet foreslår likevel å leggje reglane om kven som kan krevje sak til lovforslaget § 1-5. Dette gjeld òg for behandling av saker om grensefastsetjing. Reglane for behandling av grensesaker går fram av kapittel 6. Reglane som gjeld tilfella der det er grunn til å rekne med endringar i grensetilhøva ved jordskifte blir ikkje ført vidare. Reglane for det som har karakter av å vere systematisk merkje- og målearbeid blir heller ikkje ført vidare.

Arbeidsgruppa foreslår nokre særlege reglar om saksbehandling for fastsetjing av grenser, rettar og anna ved «semjedom», jf. høyringsforslaget

§ 4-4. Departementet meiner reglane systematisk høyrer heime i kapittelet om saksbehandling, sjå lovforslaget § 6-22. Forslaget om semjedom som avgjerdsform blir ikkje følgd opp, sjå kapittel 12.3.4.1.3

#### 10.4.2.2 *Kompetansen til jordskifteretten*

I gjeldande jordskiftelov § 88 fjerde ledd andre punktum finn ein ei avgrensing av kompetansen til jordskifteretten i høve til kravet. Jordskifteretten kan i utgangspunktet ikkje behandle andre grenser enn kravet gjeld. Men fjerde ledd tredje punktum opnar for at saka kan utvidast, dersom ein part krev det. Fjerde ledd tredje punktum seier kva jordskifteretten skal leggje vekt på når han vurderer eit slikt krav. Desse reglane meiner departementet systematisk høyrer heime ein annan stad enn i lovforslaget kapittel 4 om rettsutgreiing og grensefastsetjing. Departementet foreslår at reglane om avgrensing av saka blir plassert i § 6-9.

I jordskiftelova § 88 første og femte ledd finn ein reglar for kva jordskifteretten kan gjere i grensegangssak. Første ledd gjeld ordinære spørsmål om grensegang som for eksempel klarlegging av grenser. Femte ledd gjeld ulagelege grenser som jordskifteretten på nærare gitte vilkår kan regulere. Reglane for kva jordskifteretten skal kunne gjere går fram av lovforslaget §§ 4-2 Grensefastsetjing og 4-3 Andre reglar om grensefastsetjing. I § 4-2 finn ein reglar om fastsetjing av grenser som eiga sak. Lovforslaget § 3-13 seier at jordskifteretten i ei jordskiftesak skal fastsetje eigedomstilhøva og bruksrettstilhøva, under dette grenser, slik dei er. Lovforslaget § 4-3 første ledd gjeld fastsetjing av grense i samband med gjerdehald, tredje ledd gjeld spørsmål om grense etter lov om bygdeallmenningar og lov om skogsdrift med vidare i statsallmenningar, og fjerde ledd spørsmål om grense i vassdrag. I femte ledd har ein reglar om merking av grense med vidare etter finnmarksloven § 45.

#### 10.4.2.3 *Samansetjinga jordskifteretten har i sak om fastsetjing av grense*

Reglane om samansetjinga til retten er lik ved jordskifte, rettsutgreiing og grensegang. I gjeldande jordskiftelov § 89 andre ledd første punktum heiter det at dei oppnemnde meddommarane kan nyttast, sjølv om saka blir endra til jordskifte. Andre punktum har tilsvarende regel dersom saka blir endra til grensegang eller rettsutgreiing. Det er ikkje nødvendig for jordskiftedomaren å opp-

nemne nye meddommarar. Departementet meiner reglane om samansetjinga av retten høyrer heime i kapittel 2 om jordskifterettane, men at det ikkje er nødvendig med ein tilsvarende regel i den nye jordskiftelova. Departementet foreslår ikkje å føre vidare regelen i jordskiftelova § 89 andre ledd første punktum.

#### 10.4.2.4 *Særlege reglar for nokre grensesaker i Nordland, Troms og Finnmark*

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 4-5 reglar for særlege grensesaker i Nordland, Troms og Finnmark. Desse reglane blir behandla i kapittel 10.4.13.

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 4-6 særlege reglar for sakene etter høyringsforslaget § 4-5. Eit av forslaga var at jordskifteretten skal setjast utan jordskiftemeddommarar. Departementet meiner denne regelen systematisk høyrer heime i kapittel 2 om jordskifterettane. Regelen som gjeld Finnmarkseiendommen i høyringsforslaget § 4-6 første ledd, finn ein att i finnmarkslova § 45.

Arbeidsgruppa foreslår òg i høyringsforslaget § 4-6 andre ledd at dei særlege grensesakene skal vere fri for rettsgebyr og partane skal heller ikkje betale for kostnadene med grensemerking, koordinatfesting og kartlegging av grenser. Departementet meiner desse reglane om kostnader systematisk høyrer heime i kapittel 7 om sakskostnader. Reglane som gjeld Finnmarkseiendommen går fram av finnmarkslova § 45, jf. lovforslaget § 4-3 femte ledd.

#### 10.4.3 **Rettsmiddel**

Grensefastsetjing kan angripast med rettsmiddel, sjå kapittel 14 og lovforslaget kapittel 8. Departementets forslag inneber at den såkalla gjennomsynsregelen i gjeldande jordskiftelov § 72 blir teken bort, sjå nærare omtale av dette i kapittel 14.2.3.2.

#### 10.4.4 **Kva er grensefastsetjing etter gjeldande jordskiftelov**

Det sentrale spørsmål i ei sak om fastsetjing av grense er å avgjere på rettskraftig måte kvar ei grense går. Til vanleg vil det vere kjent kva for eigedommar som grenser til kvarandre og kven som eig desse eigedommane. Ei slik sak kan gi svar på kva for eigedommar som grenser til kvarandre.

Gjeldande jordskiftelov har reglar om grensegang i §§ 88 og 89, samt nokre spesialreglar i gjel-

dande jordskiftelov § 89 a for grensesaker i Nordland og Troms. Etter jordskiftelova § 88 første ledd kan eigar av fast eigedom krevje at jordskifteretten i særskild sak skal klarleggje, merkje av og beskrive eigedomsgrenser, grenser for alltidvarande bruksrett eller grenser for offentleg regulering av eigarrådvelde. Dette gjeld òg slike grenser som er nemnde i lov 15. mars 1940 nr. 3 om vassdragene §§ 2, 3 og 4. I gjeldande jordskiftelov § 88 andre ledd seiast det i kva tilfelle bruksrettsshavar, det offentlege, leiar av reinbeitedistrikt, utøvar av reindrift og departement kan krevje grensegang. Tilsvarande kan eigar eller festar etter § 88 tredje ledd krevje grensegang for matrikkeleining som er festa bort. Etter § 88 fjerde ledd første punktum må den som krev grensegang seie kva for grenser retten skal ta stilling til. I fjerde ledd andre punktum avgrensast kompetansen til jordskifteretten. Jordskifteretten kan ikkje gå utanfor det kravet etter første punktum går ut på. Etter omstenda kan retten utvide saka. Vurderingstemaet går fram av gjeldande jordskiftelov § 88 fjerde ledd tredje punktum. I gjeldande jordskiftelov § 88 femte ledd er det reglar for korleis jordskifteretten skal gå fram. Føresegna seier at retten skal prøve å få ulagelege grenser regulert ved minnelig makeskifte. Kjem ein ikkje fram til semje, kan jordskifteretten regulere grensene på den måten han meiner er mest tenleg for eigedommane det gjeld. Kompetansen til jordskifteretten blir innskrenka dersom det ikkje er landbrukseigedom på nokon av sidene. I eit slikt tilfelle kan jordskifteretten berre regulere ulagelege grenser etter krav frå ein part.

Etter gjeldande jordskiftelov § 89 gjeld reglane om jordskifte på tilsvarande måte for grensegangssaker så langt dei høver. Etter gjeldande jordskiftelov § 89 andre punktum gjeld likevel gjeldande jordskiftelov § 3 bokstav a berre når grensene skal regulerast. I gjeldande jordskiftelov § 89 første ledd tredje og fjerde punktum ligg eit krav om at jordskifteretten mest mogleg skal avgrense saka til å gjelde klarlegging av uklare grenser. Jordskifteretten skal berre gjere strengt nødvendige avmerkings- og målearbeid, dersom det gjeld eit område kor det er grunn til å rekne med at det blir endringar i grensetilhøva ved jordskifte. Utan særleg grunn, skal heller ikkje grensegang fremjast over store samanhengande område der saka vil få karakter av å vere eit systematisk merkje- og målearbeid, meir enn eit samla klargjeringsarbeid for grensene. I gjeldande jordskiftelov § 89 andre ledd er det reglar for korleis retten kan setjast saman, dersom det i grensegangssak setjast fram krav om jordskifte. Det er

òg reglar for det tilfellet at det setjast fram krav om rettsutgreiing eller grensegang etter at jordskifte er nekta fremja.

Etter gjeldande reglar er tvist ikkje nødvendig for å reise grensesak. Departementets forslag inneber inga endring i dette.

#### 10.4.5 Bruk av omgrep

I gjeldande reglar brukast både omgrepet grensegang og grensegangssaker. Grensegang er det når jordskifteretten klarlegg, merkjer og beskriv grenser for mellom anna grunneigedom, anleggseigedom, uteareal til eigarseksjon og jordsameige, grenser for alltidvarande bruksrett eller grenser for offentleg regulering av eigarrådvelde. Omgrepet grensegangssaker er eit samleomgrep for sakene som gjeld grensegang.

Arbeidsgruppa foreslår å erstatte omgrepet «grensegang» med «grensesak». I departementets lovforslag blir det brukt omgrepet grensefastsetjing. Departementet meiner dette er meir dekjande for innhaldet i lovforslaget § 4-2.

#### 10.4.6 Grensefastsetjing som del av jordskifte og som eiga sak

Eigar kan etter jordskiftelova § 88 krevje grensegang i eiga sak. Når det er tvist om grenser, kan ein velje mellom jordskifteretten eller tingretten for å få løyst tvisten. Tekna foreslår som den einaste høyringsinstansen at jordskifteretten skal ha denne kompetansen aleine, sjå punkt 10.3.1 der synspunkta er tekne inn. Eit slikt forslag har ikkje vore på høyring. Tekna viser til at tingrettane manglar teknisk apparat til å til å handtere dei tekniske arbeidsoppgåvene. Tekna meiner dette talar mot å la tingretten fastsetje grenser. Departementet meiner at kompetansen til jordskifteretten og tekniske apparat gjer jordskifteretten betre rusta enn tingretten til å handtere saker om grensefastsetjing. Departementet meiner likevel ikkje at dette gir grunnlag for å fremje forslag om å la jordskifteretten ha kompetansen aleine. Lovforslaget fører derfor ordninga med parallell kompetanse vidare i lovforslaget § 4-2.

Det vil vere nødvendig for jordskifteretten å ta stilling til grensespørsmål som del av jordskifte. I lovforslaget § 3-13 første ledd får jordskifteretten, som i dag, kompetanse til å fastsetje grenser i samband med jordskifte. Regelen fører vidare gjeldande praksis og gjeld såleis så langt det er nødvendig av omsyn til jordskiftet. Innhaldet i lovforslaget § 4-2 første ledd fører vidare gjeldande rett, sjølv om det er ei slags speglevending i høve

til gjeldande jordskiftelov § 89 første ledd første punktum som seier at reglane om jordskifte gjeld på tilsvarende måte i grensesaker så langt dei passar.

#### **10.4.7 Kva jordskifteretten kan fastsetje grenser for**

Kompetansen jordskifteretten har til å behandle grensesak er i jordskiftelova § 88 første ledd første punktum knytt til omgrepa eigedomsgrenser, grenser for alltidvarande bruksrett eller grenser for offentlig regulering av eigarrådvelde. Av andre punktum går det fram at jordskifteretten òg kan behandle grensespørsmål for grenser som er nemnde i vassdragslova §§ 2, 3 og 4. Gjeldande reglar reknar ikkje opp kva slags eigedommar ein kan krevje grensesak for. Departementet meiner det bør seiast noko meir presist om kva slags eigedommar grensesak kan gjelde for enn det gjeldande reglar gjer. I lovforslaget § 4-2 er kompetansen jordskifteretten skal ha knytt til formuleringa «fast eigedom og rettar». I lovforslaget er det òg gitt ei rekkje eksempel på kva for eigedom dette gjeld. Omgrepet «rettar» dekkjer alle typar rettar over fast eigedom. Departementet har vald å bruke dei same eigedomsmogrepa som matrikkellova opererer med. Jordskifteoverrettane er skeptiske til ei slik tilnærming. Dei uttaler om opplistinga i høyringsforslaget § 4-2 at «Ei vesentleg endring i lovutkastet er at § 4-2 gir ei uttømmende opprekning av kva grenser jordskifteretten kan handsame. Dette er gjort etter mønster av reglane i matrikkellova. Vi meiner ei slik opplisting lett kan bli oppfatta som uttømmende og dermed avgrense jordskifteretten sin kompetanse i grensesaker.» Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme er òg inne på spørsmålet om opprekninga skal vere uttømmende. Dei uttaler at «Opplistinga i første ledd er uttømmende, det er og linka opp til matrikkellova 5 stader. Me er usikre på om dette er romsleg nok. Endringar i matrikkellova kan få utilsikta verknad for jordskiftelova. Som arbeidsgruppa og har drøfta, vil me peike på at jordskifteretten ikkje må vere bunden av systemet i matrikkellova. Her kan nemnast fastsetjing av ikkje formaliserte rettar, så som ved hevd eller alders tids bruk.» Meininga med lovforslaget er at opprekninga ikkje skal vere uttømmende. Det går fram av formuleringa «mellom anna». Eksempel på grensefastsetjing som ikkje er positivt nemnde er grensefastsetjing etter allmenningslovene. Sjølv om det er heller få slike saker, foreslår departementet av informative

omsyn å seie dette i lovforslaget § 4-3 tredje ledd. Departementet foreslår av same omsyn å ta inn i lovforslaget § 4-3 fjerde ledd kompetansen til jordskifteretten til å fastsetje slike grenser som er nemnde i vassdragslova §§ 2, 3 og 4.

Arbeidsgruppa foreslår å harmonisere reglane i matrikkellova og jordskiftelova så langt det ikkje er gode grunnar for noko anna. Matrikkellova § 5 har reglar om kva objekt som kan bli oppretta som eigne matrikkeleiningar. Matrikkellova § 5 brukar, og definerar omgrepa grunneigedom, anleggseigedom, eigarseksjon, jordsameige og feste grunn. Departementet meiner det ikkje har noko å seie korleis eigdommen blir til. Reglane blir lettare å forstå dersom ein samordnar omgrepsbruken. Departementet foreslår såleis i lovforslaget § 4-2 første ledd bokstavane a til e, å knyte ein vesentleg del av jordskifteretten sin kompetanse til å halde grensesak til matrikkellova sine typar av fast eigedom. Det er likevel ikkje meininga at tilknytninga til matrikkellova skal føre til at jordskifteretten mister heimelen til å halde sak om grensefastsetjing for grenser som er eit resultat av hevd, alders tids bruk eller andre formar for eigedomsdanning som ikkje er regulert i matrikkellova.

Departementet foreslår at opplistinga i lovforslaget § 4-2 ikkje skal vere uttømmende. Det fører til at sjølv om saka gjeld ei grense som ikkje går fram av lista, kan jordskifteretten ta stilling til grensa.

Matrikkellova § 5 bokstav e fører vidare jordskiftelova § 88 tredje ledd. Departementet foreslår å føre desse reglane vidare.

Nokre høyringsinstanser gir uttrykk for at ein meiner klarlegging og fastsetjing av grenser for offentlig regulering av eigarrådvelde må vere ei oppgåve for det offentlege organet som har myndigheit til slik regulering. Grensemerkinga kan jordskifteretten ta seg av, dersom ikkje andre kan ta seg av det tekniske arbeidet. Departementet er ikkje samd i dette, og foreslår å føre vidare gjeldande reglar for grensesak ved offentlig regulering av eigarrådvelde, sjå lovforslaget § 4-2 første ledd bokstav f. Departementet foreslår òg å føre vidare kompetansen jordskifteretten har til å behandle sak om grensefastsetjing for samisk reinbeite. Dette går fram av lovforslaget § 4-2 første ledd bokstav g.

Dersom det er tvist, inneber forslaget at partane òg på desse nye områda kan velje mellom tingrett og jordskifterett for å få fastsett ei eksisterande grense.

#### 10.4.8 Vilkåra for å avgrense eller avvise sak om grensefastsetjing

Gjeldande jordskiftelov § 89 inneheld to heimlar for å kunne avgrense eller avvise grensegangssak. Når det i eit område er grunn til å rekne med endringar i grensetilhøva ved jordskifte, skal jordskifteretten mest mogleg avgrense saka til å gjelde klarlegging av omtvista grenser, og berre strengt nødvendige avmerkings- og målearbeid. Utan særleg grunn skal heller ikkje grensegang fremjast over store samanhengande område der saka vil få karakter av å vere eit systematisk merkje- og målearbeid, meir enn eit samla klarleggingsarbeid for grensene. Arbeidsgruppa meiner at begge vilkåra harmonerer dårleg med prinsippet om at partane har hand om kva ein sak for ein domstol skal omfatte. Arbeidsgruppa viser òg til at jordskifteretten med fordel kan sleppe å vurdere om det er så stort behov for eit jordskifte som fører til endring i grenser, at vilkåret er oppfylt. Endeleg viser arbeidsgruppa til at grenselengdegebyret siktar mot same mål som det andre vilkåret. Etter ei samla vurdering kjem arbeidsgruppa til at desse momenta tilseier at vilkåra bør ut av lova. Departementets lovforslag fører ikkje desse vilkåra vidare.

#### 10.4.9 Twist om underliggjande rettshøve

Jordskifteretten skal etter gjeldande jordskiftelov § 17 tredje ledd, etter krav frå ein part avgjere twist om underliggjande rettshøve. Jordskifteretten skal gjere dette når det er nødvendig å ta stilling til tvisten for at ei sak om grensefastsetjing skal kunne avgjerast. Jordskifteretten kan avgjere twist om grenser, eigedomsrett, bruksrett eller anna. Departementet kan ikkje sjå at det er nokon grunn til å endre på desse reglane, og foreslår at dei skal førast vidare i lovforslaget § 4-4.

#### 10.4.10 Nye reglar om gjerdehald i samband med grensefastsetjing

Spørsmål knytt til gjerdehald kan behandlast i eit jordskifte eller som eiga sak etter grannegjerdelova. Etter føresegna om bruksordning i lovforslaget § 3-8 første ledd fjerde punktum kan jordskifteretten mellom anna kan gi reglar om gjerdehald. Av lovforslaget § 5-3 bokstav b og § 5-4 går det fram at jordskifteretten kan ta avgjerd i sak etter grannegjerdelova i samband med sak for jordskifterett eller som eiga sak. Kompetansen jordskifteretten har til å ta avgjerder om gjerdehald etter lovforslaget § 3-8 første ledd fjerde punktum blir behandla i kapittel 8.13. Når det gjeld gjerdehald

etter lovforslaget kapittel 5, så behandlast det i kapittel 11.5.6 i proposisjonen.

Det kan òg oppstå eit behov for å tilpasse eit gjerde dersom avgjerda i ei sak om grensefastsetjing blir at grensa går på anna stad enn der gjerdet står. Da er det både prosessøkonomiske og praktiske grunnar som talar for at jordskifteretten kan ta avgjerd om dette i grensesaka. Jordskifteretten har heimel i gjerdelova § 16 i dag til å halde gjerdeskjønn, innafor eit stadleg avgrensa område. Departementet meiner jordskifteretten må reknast for å ha den kompetansen som er nødvendig for å ta avgjerd om gjerdespørsmål, anten spørsmåla har samband med sak for jordskifterett, eller som eiga sak, sjå kapittel 11.5.6.3.

Departementet er såleis samd med arbeidsgruppa i at jordskifteretten bør få heimel til å avgjere gjerdespørsmål langs den grensa som er til behandling som sak om grensefastsetjing etter lovforslaget kapittel 4. Departementet foreslår regelen i § 4-3 første ledd.

#### 10.4.11 Grensejustering

I jordskiftelova § 88 femte ledd er det reglar for korleis jordskifteretten skal gå fram. Der står det at retten prøver å få ulagelege grenser regulerte ved minneleg makeskifte. Kjem ein ikkje fram til semje, kan jordskifteretten regulere grensene på den måten han meiner er mest tenleg for eigedommane det gjeld. Kompetansen til jordskifteretten er innskrenka dersom det ikkje er landbruks-eigedom på nokon av sidene. I eit slikt tilfelle kan jordskifteretten berre regulere ulagelege grenser etter krav frå ein part.

Arbeidsgruppa viser til at jordskifteretten har plikt til å gjere seg opp ei meining om grensene er ulagelege, og til å ta initiativ til minneleg makeskifte. Dersom jordskifteretten ikkje når fram med dette, har han heimel til å regulere grensene på den måten den meiner er mest tenleg for dei eigedommane det gjeld. Sjølv om dette berre gjeld der det er landbrukseigedom på minst ei side av grensa, er dette vidare fullmakter enn det som er vanleg for ein domstol å ha. Arbeidsgruppa meiner dette minner mykje om å halde små jordskifte langsetter dei aktuelle grensene trass i at partane berre har reist sak for å få klarlagt kvar eksisterande grense går.

Departementet viser òg til og er samd med jordskifterettane i Agder jordskiftedømme i at grensemerkinga meir kan vere ei vurdering av kvar grensa går (eller kor tett boltane skal stå) enn grensejustering. Nyansen mellom klarlegging



og justering er ikkje alltid tydeleg i praksis, sjølv om det prinsipielle skiljet er klart.

Departementet meiner at jordskifteretten bør ha same moglegheit til grensejustering som den lokale matrikkelstyresmakta har. Departementet er samd med arbeidsgruppa i at den enklaste og mest presise måten å få til dette på, er å gjere den aktuelle paragrafen i matrikkellova gjeldande. Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 4-3 ein eigen paragraf. Departementet foreslår at regelen skal takast inn i ein paragraf som handlar om noko ulike spørsmål. Kompetansen knytast opp mot matrikkellova § 16, sjå lovforslaget § 4-3 andre ledd. Dette er ei forenkling, men òg ei harmonisering i høve til matrikkellova. I samband med slik grensejustering er jordskifteretten på same måten som matrikkelmyndigheita bunden av offentlegrettslege vilkår.

Når ein tek bort regelen om regulering av grenser, blir det òg ein klarare forskjell mellom jordskifte etter lovforslaget § 3-4 på eine sida, og grensejustering på hi. Det er for eksempel korkje nokon garanti mot tap, eller noko krav til pengeoppgjær knytt til grensejustering.

#### **10.4.12 Allmenningar og grenser i vassdrag**

Departementet foreslår eit tredje ledd i lovforslaget § 4-3 der det blir vist til reglane om grense spørsmål i bygdeallmenningslova § 1-4 og statsallmenningslova § 4-2 der det går fram at jordskifteretten kan avgjere grensespørsmål. Departementet foreslår ingen materielle endringar.

Etter gjeldande reglar har jordskifteretten kompetanse til å fastsetje slike grenser som er nemnde i vassdragslova §§ 2, 3 og 4. Denne kompetansen er ført vidare i lovforslaget § 4-3 fjerde ledd.

#### **10.4.13 Særlege saker om grensefastsetjing i Nordland, Troms og Finnmark**

Med heimel i jordskiftelova § 89 a gjer jordskifteretten grensemerkinga i terrenget, koordinatfestinga og kartlegginga av grensa i samsvar med rettskraftige dommar frå Utmarkskommissjonen for Nordland og Troms. Jordskiftelova § 89 a om oppfølging av dommane til Utmarkskommissjonen har sju ledd. Paragrafen har både materielle, prosessuelle reglar samt gebyr- og kostnadsreglar. Paragrafen har òg reglar om samansetjinga av retten og reglar for bruk av rettsmiddel. I finnmarkslova § 45 står det at mellom anna rettskraftige dommar frå utmarksdomstolen kan bringast inn for jordskifteretten. Det jordskifteretten skal gjere

om han får ei sak etter finnmarkslova § 45, er å merke grense i terrenget, koordinatfeste og kartfeste grensene i samsvar med for eksempel dommen.

Arbeidet til Utmarkskommissjonen er avslutta. Det vil såleis ikkje komme fleire saker om grensemerking etc. til behandling i jordskifteretten frå Utmarkskommissjonen. Dei sakene som ikkje er avslutta, og som er under behandling i jordskifterettene skal gjennomførast etter gjeldande jordskiftelov, sjå overgangsbestemmelsen i lovforslaget § 9-6. Departementet er etter dette samd med jordskifterettane i Hålogaland i at det ikkje er behov for reglar om oppfølging av dommar frå Utmarkskommissjonen for Nordland og Troms i den nye jordskiftelova.

Høyringsforslaget til arbeidsgruppa § 4-5 for særlege grensesaker skal òg omfatte saker i Finnmark. Jordskifteretten skal merkje grensene i terrenget, koordinatfeste grensemerka, kartfeste og beskrive grensene i rettskraftig avgjerd frå utmarksdomstolen i Finnmark eller i erklæring eller avtalar som er avgjevne eller inngått i samsvar med konklusjonane til Finnmarkskommissjonen.

Høyringsforslaget § 4-5 viser til § 45 om grensegang og tinglysing i finnmarkslova. Etter § 45 kan rettskraftige dommar frå utmarksdomstolen samt erklæringar og avtalar som er inngått i samsvar med konklusjonane til Finnmarkskommissjonen, bringast inn for jordskifteretten etter jordskiftelova § 88. Jordskifteretten merker grense i terrenget, koordinatfestar og kartlegg i samsvar med dommen, erklæringa eller avtalen. Reglane om jordskifte gjeld så langt dei høver. I finnmarkslova § 45 finn ein mellom anna òg reglar om samansetjinga til jordskifteretten, anke, rettsgebyr, kostnader og tinglysing.

Departementet meiner at ein berre bør ha slike særlege oppfølgingsreglar i finnmarkslova § 45. Departementet foreslår nokre endringar i finnmarkslova § 45, slik at den aleine gir jordskifteretten heimel til å behandle desse sakene. Kompetansen jordskifteretten har etter finnmarkslova § 45, går av informasjonsomsyn fram av lovforslaget § 4-3 femte ledd.

#### **10.4.14 Saker der jordskifteretten skipar ei ny matrikkeleining**

Ved eit jordskifte etter kapittel 3 vil det regelmessig vere aktuelt å skipe ei ny matrikkeleining. Lovforslaget § 3-35 gir heimel for dette. I heimelen er det vist til samsvarande reglar i matrikkellova §§ 10 og 18. Ved rettsutgreiing og grensefast

setjing vil det sjeldan vere aktuelt å skipe nye einingar. Unntaksvis får jordskifteretten likevel slike saker. Eit eksempel på dette er sak som gjeld rettsutgreiing etter § 4-1 for å få registrert eit uregistrert jordsameige. Eit anna eksempel er der jordskifteretten fastset grenser etter § 4-2 for umatrikulert grunneigedom. Regelen i lovforslaget § 3-35 bør i slike høve gjelde tilsvarande. Departementet foreslår ein regel som opnar for dette i lov-

forslaget § 4-3 sjette ledd som fastset at om ei avgjerd etter første til fjerde ledd eller etter §§ 4-1 og 4-2 fører til at det må registrerast eit nytt jordsameige, eller til at umatrikulert grunneigedom eller festegrund skal matrikulerast, gjeld § 3-35. Forslaget byggjer på at jordskifteretten i slike høve har den same heimelen, og skal følgje dei same rutineane som ved jordskifte. Forslaget er i samsvar med gjeldande praksis.

## 11 Skjønn og andre avgjerder etter andre lover

### 11.1 Omgrepet skjønn

#### 11.1.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at omgrepet skjønn i utgangspunktet skal brukast om tradisjonell utmåling av erstatningsvederlag eller liknande. Arbeidsgruppa bruker ikkje formuleringa «fritt skjønn» slik ein gjer i nokre tilfelle i dag, fordi ein kan få den trua at skjønnet er heilt fritt. I dei tilfella jordskifteretten ikkje skal gjere tradisjonelle erstatningsutmålingar eller liknande, vil arbeidsgruppa ikkje seie meir enn at jordskifteretten skal avgjere det aktuelle spørsmålet.

#### 11.1.2 Høyringsinstansane

Rett få høyringsinstansar uttaler seg om omgrepet skjønn. *Justisdepartementet* seier seg samd med arbeidsgruppa i at omgrepet skjønn bør utelatast i reindriftslova §§ 21 andre ledd andre punktum, 63 tredje ledd første punktum og 69. Justisdepartementet meiner derimot at omgrepet skjønn kan behaldast i reindriftslova § 70.

*Norske Reindriftsamers Landsforbund (NRL)* er heller ikkje samd i at omgrepet skjønn skal gå ut av reindriftslova § 70. Dei kan ikkje heilt sjå kva ein vinn ved den endringa da det går fram av høyringsforslaget § 70 a at det er reglane i kapittel 5 i forslag til ny jordskiftelov som skal brukast. NRL peikar på at dette kapitlet har overskrifta skjønn.

#### 11.1.3 Departementets vurderingar

Omgrepet skjønn blir i nokre tilfelle brukt for å få fram kva som er skjønnsstema. Omgrepet blir brukt om vurderingar der lova seier lite eller ingen ting om kva ein skal trekkje inn i vurderinga eller korleis ein skal leggje vekt på dei ulike omsyna. Svært ofte vil det handle om ei vurdering av kva som er hensiktsmessig, nyttig, fornuftig og rimeleg. Omgrepet blir òg brukt for å få fram at avgjerda skal gå etter den serlege rettargangsmåten som er regulert i skjønnsprosesslova. Omgrepet skjønn blir dessutan brukt for å få fram at det er ein skjønnsrett som skal avgjere eit spørsmål.

Eitt eksempel på det siste, finn ein i veglova § 55 andre ledd tredje punktum. Der står det at veglaget skal leggje si avgjerd i saka fram til endeleg avgjerd «for skjønnet».

Nokre avgjerder som er kalla skjønn i dag, er av ein karakter som ikkje gjer det naturleg å omtale sjølve vurderinga som skjønn i tradisjonell mening. Eitt eksempel på det finn ein i reindriftslova § 63. Paragrafen gjeld utnytting av eigedom i reinbeiteområde. I tredje ledd står det at «Spørsmål om tiltak kommer i strid med første ledd, kan avgjeres på forhånd ved skjønn ved jordskifteretten. Skjønnet kan også ....» Denne vurderinga er etter departementets mening ikkje rett å kalle skjønn, fordi det spørsmålet ein skal avgjere, er om dei nærare omtalte rettslege vilkåra er oppfylte. I departementets forslag, blir berre omgrepet skjønn brukt som ein karakteristikk av avgjerda dersom det handlar om avgjerder til fastsetting av pengebeløp. Departementet bruker såleis omgrepet skjønn dersom det gjeld utmåling av erstatning i samband med tiltaksjordskifte og vernejordskifte, sjå lovforslaget § 5-1 første punktum. Omgrepet skjønn blir òg brukt om den erstatningsutmålinga jordskifteretten gjer etter reindriftslova § 70.

Departementet foreslår at kapitla 1, 2, 6 og 8 skal gjelde så langt dei høver for skjønn og andre avgjerder som jordskifteretten held eller tek etter lovforslaget §§ 5-1 til 5-3. I § 5-1 er det reglar om skjønn i samband med tiltaksjordskifte og i § 5-2 er det reglar om skjønn i samband med jordskifte som følgje av tiltak fastsett av jordskifteretten i vassdrag. I § 5-3 er det reglar om skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett. I tillegg gjeld lovforslaget § 7-1 og § 7-10. Dessutan gjeld reglane for rettslege skjønn i skjønnsprosesslova så langt kapitla 1, 2, 6 og 8 samt § 7-1 og 7-10 ikkje regulerer spørsmålet. Skjønn og andre avgjerder som går som eiga sak etter lovforslaget §§ 5-4 til 5-6, skal gå etter reglane i skjønnsprosesslova. Skiljet mellom skjønn og andre avgjerder i samband med sak for jordskifterett og skjønn og andre avgjerder som eiga sak (det tospora systemet) inneber at ein ikkje treng bruke omgrepet skjønn for å få fram

etter kva for reglar saka skal behandlast. Departementet har i staden vald å seie beint fram i ein eigen paragraf i kapittel 5 kva for reglar som gjeld for saker etter kapittel 5, sjå lovforslaget § 5-7.

Når det gjeld avgjerdsforma, vil den følgje av reglane i skjønnsprosesslova når skjønn eller andre avgjerder blir behandla som eiga sak etter reglane i skjønnsprosesslova.

Ulike uttrykksmåtar blir etter gjeldande reglar brukt for å få fram at avgjerda skal takast av ein skjønnsrett og etter reglane om saksbehandling i skjønnsprosesslova. I for eksempel veglova § 50 første ledd, blir «etter skjønn» brukt, i § 53 første ledd første punktum «i skjønn», medan det i beitelova § 11 første ledd første punktum står at dei aktuelle spørsmåla kan krevjast avgjorte «ved skjønn». Departementet foreslår endringar i omgrepsbruken i dei tilfelle jordskifteretten skal ha eksplisitt kompetanse. Ein foreslår endringar som gjer det lett å sjå at jordskifteretten skal ta dei aktuelle avgjerdene etter grannegjerdelova, beitelova, veglova kapittel VII, servituttløva og nokre føresegnar i reindrifsløva.

Jordskifteretten skal etter lovforslaget § 5-1 første punktum halde skjønn i samband med tiltaksjordskifte og vernejordskifte. Omgrepa tiltaksjordskifte og vernejordskifte er definerte i lovforslaget § 1-3. Jordskifteretten skal òg etter lovforslaget § 5-2 halde skjønn til fastsetjing av erstatninga eigedommar utanfor skiftefeltet skal ha som følgje av tiltak etter lovforslaget § 3-9. Jordskifteretten skal dessutan i samband med sak for jordskifterett ta avgjerder etter dei lovene som er nemnde i lovforslaget § 5-3. Avgjerdsforma for desse avgjerdene er jordskifteavgjerd når det aktuelle spørsmålet blir behandla i samband med sak for jordskifterett, sjå lovforslaget § 6-23. Kva for innhald avgjerda skal ha, går da fram av lovforslaget § 6-24.

Når jordskifteretten behandlar skjønn eller tek andre avgjerder som eiga sak etter dei lovene som er nemnde i lovforslaget § 5-3, jf. § 5-4, skal jordskifteretten følgje reglane i skjønnsprosesslova. Krav til form og innhald med vidare går da fram av reglane i skjønnsprosesslova.

Det går elles fram av lovforslaget § 8-1 kva for rettsmidlar som kan brukast mot skjønn og andre avgjerder etter andre lover.

Oppryddinga er ikkje ein fullgod og endeleg rydding når det gjeld bruken av omgrepet skjønn. Ei ytterlegare rydding kan ein gjere for eksempel i samband med ein eventuell revisjon av skjønnsprosesslova.

## 11.2 Systematikk

### 11.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å samle dei mest sentrale paragrafane om skjønn i eit eige kapittel. Høyringsforslaget legg likevel opp til at ein framleis skal ha reglar om skjønn for jordskifteretten både i jordskiftelova og i andre lover. Arbeidsgruppa foreslår å skilje mellom skjønn i samband med jordskifte og skjønn som ikkje har samband med jordskifte. Arbeidsgruppa meiner at kompetansen jordskifteretten har til å halde avtaleskjønn bør synleggjerast på ein betre måte enn i gjeldande jordskiftelov. Arbeidsgruppa foreslår derfor at heimelen skal gå fram av ein eigen paragraf fremst i kapitlet.

### 11.2.2 Høyringsinstansane

Fleire høyringsinstansar uttaler seg om systematikken i skjønnskapitlet. Fleire meiner gjeldande reglar om jordskifteretten og skjønn er uoversiktlege. Det er mellom anna vanskeleg å forstå kva for kompetanse jordskifteretten har på dette området.

Det har kome inn ulike forslag til korleis kapitlet bør byggjast opp og særleg jordskifterettane er opptekne av at lovteksten bør strukturast betre enn i høyringsforslaget.

*Domstoladministrasjonen (DA)* delar oppfatninga til arbeidsgruppa om at jordskiftelova både er uoversiktleg og lite tilgjengeleg når det gjeld skjønn. DA ser det derfor som positivt at dei vesentlegaste reglane om skjønn samlast i eit eige kapittel. DA støttar ein forenkla struktur, der ein utelukkande skil mellom skjønn i tilknytning til jordskiftesak og skjønn som eiga sak.

Jordskiftedommarane i *Gulating jordskiftedomme* meiner mellom anna at høyringsforslaget § 5-1 om avtaleskjønn for eit utrent auge kan lesast som ei formålsføresegn for alle skjønn som jordskifteretten skal halde. Ei slik forståing vil da leie til at jordskifteretten berre kan halde skjønn, dersom partane er samde om det. Jordskiftedommarane i *Gulating jordskiftedomme* uttaler at det er ulik systematikk knytt til dei ulike skjønna som jordskifteretten kan halde. Dette fører vidare dagens noko rotete ordning med å angi kompetansen til jordskifteretten i skjønsspørsmål. Det ryddigaste vil vere at det i jordskiftelova berre er ei tilvising til særlovene, og at ei nærare utgreiing av kompetansen blir teken inn i særlovene. I tillegg blir det peikt på at det er forskjellar når det gjeld kven som kan krevje ulike typar skjønn. Jordskif-

tedommarane i Gulating jordskiftedømme foreslår ei anna rekkjefølgje på paragrafane i kapittel 5 enn det som følgjer av høyringsforslaget. Dei foreslår òg at det blir teke inn i lov 14. juni 1912 nr. 1 om anlegg av taugbaner og løipestrenger mv. § 16 at jordskifteretten har kompetanse til å ta avgjerd etter taubanelova. I tillegg meiner dei at det bør takast inn ei tilvising til høyringsforslaget § 5-3 (deira forslag 5-2) i vannressurslova § 14.

Fleire høyringsinstansar meiner paragrafen om avtaleskjønn ikkje er så sentral at han fortener å stå først i kapittel 5. *Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* peikar på at avtaleskjønn er, og vil vere, ein unntaksregel som ikkje bør komme fremst i kapittel 5.

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* meiner at kapittel 5 er noko uryddig, og at det kunne vori redigert betre. Lova blir etter deira meining meir ryddig og informativ om ein listar opp alle skjønn som jordskifteretten held som eiga sak. Dei foreslår at kapitlet blir redigert, slik at ein får eigne paragrafar for tiltaks- og vernejordskifte, skjønn i samband med jordskifte og skjønn som jordskifteretten held som eiga sak. Med ei slik inndeling meiner dei at prosessforma blir meir tydeleg.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* trur skjønn vil komme sterkare inn i jordskiftedomstolen i åra framover. Særleg kombinasjonen av jordskifte og skjønn. Dei vil systematisere dei sakstypene som er knytt til skjønn, slik at ein får tre grupper: det dei kallar reine skjønnsaker (erstatningsskjønn i form av pengar), skjønn i samband med vern og utbygging (tradisjonelle, kombinerte saker) og jordskiftesaker med innslag av og behov for særskilte skjønn (det vil seie dagens §§ 43 og 44). *Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* peikar òg på problem knytt til innskrenkingane i dagens reglar når det gjeld høve til å halde skjønn som del av ei jordskiftesak. Dei meiner desse problema må løysast i den nye jordskiftelova. Det må bli slik at ei sak som startar opp som jordskiftesak òg kan avsluttast som jordskiftesak, sjølv om den endar med skjønn etter særlov som jordskifteretten har heimel til å behandle. Det primære er da at det er jordskifteretten, slik den er sett saman i jordskiftesaken, som òg held skjønnet. Det primære er at heile saka behandlast etter saksbehandlingsreglane i kapittel 6. For å gjere det heilt klart at jordskifteretten kan behandle skjønn etter fleire særlover, både som del av ei jordskiftesak og som eiga sak, foreslår Nedre Telemark jordskifterett å samle den kompetansen i ein paragraf. Den ønskjer ei komplett opplisting av særlover som jordskifteretten kan

halde skjønn etter, anten som del av jordskiftesak eller som eiga sak. Dei er klar over at dei dermed utvidar heimelen som ein nå har i vannressurslova, men dei ser ingen grunn til at den ikkje skal vere med.

### 11.2.3 Departementets vurderingar

#### 11.2.3.1 *Eige kapittel for skjønn og andre avgjerder etter andre lover*

Departementets forslag til kapittel 5, skil seg frå forslaga til arbeidsgruppa på ein del punkt. Det er grunnen til at departementets forslag til struktur og lovtekst avvik frå høyringsforslaga.

Departementet meiner som arbeidsgruppa og fleire av høyringsinstansane, at det er rett å samle dei mest sentrale reglane om det ein etter gjeldande reglar kallar skjønn i eit eige kapittel i den nye jordskiftelova. Det vil gjere det lettare å finne fram til reglane for dei som skal bruke dei. Departementet meiner likevel at kapitteleverskrifta bør ha ein annan ordlyd enn berre skjønn da jordskifteretten òg skal treffe avgjerder som ikkje lenger skal kallast skjønn i saker etter andre lover. Departementet foreslår å leggje reglane til kapittel 5 Skjønn og andre avgjerder etter andre lover.

#### 11.2.3.2 *Skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett og som eiga sak*

Jordskifteretten kan etter jordskiftelova halde skjønn som del av jordskifte, som sjølvstendig del i samband med jordskifte og som eiga sak utan samband med sak for jordskifterett. Departementet meiner det ikkje er nødvendig å halde på denne tredelinga. Det er likevel ein fordel å skilje mellom skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett, og skjønn og andre avgjerder etter andre lover som eiga sak. Det er fleire grunnar for eit slikt skilje, for eksempel korleis ein skal setje saman retten og kva for reglar for saksbehandling med vidare som skal gjelde.

Departementet meiner jordskifteretten òg bør ha kompetanse til å ta avgjerd etter dei lovene som er nemnde i lovforslaget § 5-3 i samband med sak for jordskifterett. Grunnen til det er at ein må ha reglar som inneber at partane enklast, og så billeg som mogleg, får gjennomført sakene. Det vil oftast vere ein klar samanheng mellom bruken av dei ulike verkemidla i eit jordskifte og skjønn og andre avgjerder etter andre lover etter kapittel 5 som blir halde i samband med eit jordskifte. Ein

må da leggje opp til ei så smidig behandling som mogleg av prosessøkonomiske grunnar. Tiltaks- eller vernejordskifte er eksempel på område der det er viktig ha reglar som gir moglegheit for smidige løysingar. Eit anna eksempel er der det ligg føre eit prinsipielt krav om sams tiltak, og eit subsidiært krav om skjønn etter veglova.

Behovet for ein smidig behandlingssmåte gjeld uansett om behovet for skjønn eller anna avgjerder etter andre lover etter kapittel 5 er kjent på kravtidspunktet, eller om dette kjem opp seinare. Det er mellom anna viktig å sleppe å setje retten med nye meddommarar.

Departementets forslag inneber at skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett så langt det høver skal behandlast etter jordskiftelova kapittel 1, 2, 6 og 8. I tillegg skal lovforslaget §§ 7-1 og 7-10 gjelde. Reglane for rettslege skjønn i skjønnsprosesslova gjeld så langt kapittel 1, 2, 6 og 8 ikkje har reglar om behandlinga. I tillegg til desse reglane har ein serlege reglar for skjønn og andre avgjerder i nokre av dei lovene som er nemnde i lovforslaget § 5-3.

Når sak etter kapittel 5 går som eiga sak utan samband med sak for jordskifterett, er det ikkje andre spørsmål som skal behandlast og som kompliserer behandlinga. Heimelen jordskifteretten har til å halde skjønn som eiga sak foreslår departementet å plassere i tre paragrafar, sjå lovforslaget §§ 5-4 til 5-6. Desse sakene skal behandlast etter reglane i skjønnsprosesslova, sjå lovforslaget § 5-7 andre ledd.

#### 11.2.3.3 *Skjønn i samband med tiltaksjordskifte og vernejordskifte*

Departementet meiner jordskifteretten framleis bør ha kompetanse til å halde skjønn i samband med tiltaksjordskifte og vernejordskifte. Nokre høyringsinstansar foreslår å ha ein eigen paragraf for skjønn i samband med tiltaksjordskifte og vernejordskifte. Jordskifterettene i Hålogaland jordskiftedømme meiner for eksempel at ei slik inndeling vil gi ei meir ryddig prosessform. Departementet er samd i dette og foreslår å leggje kompetansen til jordskifteretten til å halde skjønn i samband med tiltaksjordskifte og vernejordskifte til lovforslaget § 5-1 første punktum. Lovforslaget § 5-1 første punktum tek sikte på dei skjønna jordskifteretten kan halde etter gjeldande jordskiftelov § 6 første til fjerde ledd første punktum. Omgrepa tiltaksjordskifte og vernejordskifte blir definert elles i lovforslaget § 1-3 bokstavane b og c.

#### 11.2.3.4 *Kompetansen til jordskifteretten skal gå fram både av jordskiftelov og av særlov*

Departementet foreslår reglar om kompetansen jordskifteretten har til å halde skjønn og ta andre avgjerder etter andre lover i både lovforslaget kapittel 5 og i aktuell særlov. Forslaget er grunna i omsynet til dei som skal finne fram til reglane. Det kan vere aktuelt å ta andre avgjerder i samband med sak for jordskifterett enn dei tradisjonelle avgjerdene jordskifteretten tek etter kapittel 3 i lovforslaget. Det vil for eksempel kunne vere meir eller mindre aktuelt å ta avgjerder etter grannegjerdelova, beitelova, servituttolova, reindriftslova og vannressurslova. Det kan vere noko tilfeldig kva for innfallsvinkel ein part har når han vil finne ut kven det er som avgjer spørsmålet.

Av omsyn til parten, meiner departementet at kompetansen bør gå fram både av lovforslaget kapittel 5 Skjønn og andre avgjerder etter andre lover, og av den aktuelle særlova. Departementet meiner det bør visast til kompetansen jordskifteretten har etter andre lover i lovforslaget § 5-3, som gjeld skjønn og avgjerder i samband med sak for jordskifterett. Når det blir vist til dei aktuelle lovene i lovforslaget § 5-3, er det tilstrekkeleg å vise til § 5-3 i lovforslaget § 5-4 for å få fram kva for lover jordskifteretten kan halde skjønn og ta andre avgjerder etter som eiga sak. Jordskiftelova blir meir ryddig og informativ om ein lister opp dei lovene som jordskifteretten kan halde skjønn og ta andre avgjerder etter. Kva for skjønn og avgjerder jordskifteretten skal halde eller treffe, vil gå nærare fram av særlova. Lovforslaget § 5-4 andre punktum inneber at jordskifteretten framleis ikkje skal ha kompetanse til å ta avgjerder etter taubanelova som eiga sak. Departementet vurderer i kapittel 11.5.4.3 om det er grunn til å endre kompetansen jordskifteretten har etter taubanelova. Da det foregår eit arbeid med sikte på å endre taubanelova, foreslår departementet inga endringar.

#### 11.2.3.5 *Avtaleskjønn*

Jordskifteretten har kompetanse til å halde avtaleskjønn etter jordskiftelova § 6 fjerde ledd andre punktum. Kompetansen er stadleg avgrensa, sjå § 6 femte ledd. Departementet foreslår å føre vidare kompetansen utan stadleg avgrensing. Departementet meiner heimelen bør synleggjerast på ein betre måte enn tilfellet er i gjeldande lov. Det gjer ein ved å plassere heimelen i ein eigen paragraf.

Departementet er samd med dei høyringsinstansane som meiner at det knapt dreier seg om den mest sentrale og viktigaste kompetansen som jordskifteretten har. For òg å unngå at plasseringa fører til mistydingar av den type jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme er inne på, foreslår departementet at paragrafen ikkje blir plassert fremst i kapittel 5. Kompetansen til å halde avtaleskjønn som eiga sak går fram av lovforslaget § 5-5.

I dei tilfella det er inngått avtale om å halde skjønn eller ta avgjerd som nemnt i lovforslaget §§ 5-1, 5-2 eller 5-3 i samband med sak for jordskifterett, følgjer kompetansen til jordskifteretten av desse føresegnene. I dei tilfella det er inngått avtale om å halde skjønn eller ta avgjerd i eiga sak, følgjer kompetansen av lovforslaget § 5-4.

Det følgjer av lovforslaget § 5-7 korleis avtaleskjønn som eiga sak etter lovforslaget § 5-5 skal behandlast.

#### 11.2.3.6 Skjønn og andre avgjerder etter reindriftslova

Lovforslaget inneber at jordskifteretten framleis skal kunne halde skjønn etter reindriftslova § 70 og elles treffe ei rekkje andre avgjerder etter reindriftslova. Departementet meiner skjønn og andre avgjerder etter reindriftslova ikkje er så spesielle at det er behov for ein eigen paragraf i jordskiftelova om dette, slik det er i gjeldande jordskiftelov. Kompetansen jordskifteretten har til å halde skjønn og ta avgjerder etter reindriftslova går fram av §§ 5-3 bokstav g og 5-4 og av reindriftslova slik tilfellet er for avgjerder etter andre særlover.

## 11.3 Parallell kompetanse

### 11.3.1 Kva er parallell kompetanse

Tingrett, jordskifterett og lensmenn, namsfut og politistasjonssjef med sivile rettspleieoppgåver, såkalla «lensmannsskjønn», har på nokre område kompetanse til å styre og avheimle same slags skjønn. Kompetansefordelinga kan variere frå område til område. Kompetansen innafor eit skjønnstema kan liggje til tingrett og jordskifterett (for eksempel skjønn ved skade vald av rein), eller han kan liggje til jordskifterett og «lensmannsskjønn» (for eksempel skjønn etter servituttolova). Ein tredje situasjon har ein der kompetansen ligg til tingrett, jordskifterett eller «lensmannsskjønn». Det er tilfelle for vegskjønn etter veglova kapittel VII. Eit slikt skjønn er i utgangspunktet eit rettsleg skjønn, men det kan gå som «lensmannsskjønn», dersom partane er samde om det. Ligg

eigedommen i eit LNFR-område (landbruks-, natur- og friluftsførmål samt reindrift etter plan- og bygningslova §§ 11-7 nr. 5 og 12-5 nr. 5), held jordskifteretten skjønnet dersom rekvirenten set fram krav om skjønn for jordskifteretten, sjå veglova § 60 andre ledd. Ulike omgrep blir brukt for å karakterisere kompetansesituasjonen. Mest vanleg er «overlappande kompetanse», «delt kompetanse» eller «parallell kompetanse». Departementet brukar omgrepet «parallell kompetanse» i denne lovproposisjonen.

### 11.3.2 Kven kan halde skjønn

Når ikkje anna er bestemt ved lov, skal tingretten med skjønnsmedlemmer halde skjønnsforretningar, sjå skjønnsprosesslova § 5 første ledd. Andre organ kan berre halde skjønnsforretning når det er særskilt bestemt i lov. Det er i nokre tilfelle bestemt at ein lensmann, namsfut eller politistasjonssjef med sivile rettspleieoppgåver kan styre skjønn (såkalla lensmannsskjønn). Ut over dette kan jordskifteretten halde skjønn etter reglar i jordskiftelova eller andre lover.

### 11.3.3 I kva for situasjonar har tingrett, jordskifterett og «lensmannsskjønn» parallell kompetanse

Tingrett og jordskifterett har parallell kompetanse når det gjeld dei avtaleskjønna jordskifteretten kan halde i medhald av jordskiftelova § 6 tredje og fjerde ledd. Tingretten kan alltid halde skjønnet, men partane kan avtale at jordskifteretten skal halde skjønnet. Kompetansen jordskifteretten har til å halde avtaleskjønn etter § 6 tredje og fjerde ledd, er likevel stadleg avgrensa, sjå jordskiftelova § 6 femte ledd.

Tingrett og jordskifterett har parallell kompetanse i saker om utmåling av erstatning for skade valde av rein etter reindriftslova § 70. Rekvirenten kan velje mellom tingrett og jordskifterett dersom han vil ha avgjerd etter reindriftslova § 70.

Skjønn etter veglova er rettslege skjønn. Desse skjønna kan likevel haldast som «lensmannsskjønn» når partane er samde om det. Når det gjeld vegskjønn etter veglova kapittel VII (private vegar), har òg jordskifteretten skjønnskompetanse. Jordskifteretten kan etter jordskiftelova § 43 andre ledd halde slike skjønn, dersom skjønnet er nødvendig av omsyn til jordskifte. Jordskifteretten kan halde slike skjønn, sjølv om det ikkje gjeld eigedommar som kjem inn under jordskiftet. Jordskifteretten har òg kompetanse til å halde vegskjønn etter kapittel VII etter veglova § 60.

Rekvirenten må setje fram krav om skjønn for jordskifteretten, anten i samband med sak etter jordskiftelova § 6 første til fjerde ledd første punktum, eller som eiga sak.

Det er ikkje berre i veglova ein finn eksempel på parallell kompetanse heimla i særlov. Ein har fleire eksempel på at skjønn kan haldast, anten som «lensmannsskjønn», eller som skjønn for jordskifterett. Det er for eksempel tilfelle når det gjeld skjønn etter taubanelova, grannegjerdelova og servituttlova.

### 11.3.4 Bør jordskifteretten ha eksklusiv kompetanse

#### 11.3.4.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår endringar på fleire punkt i reglane om parallell skjønnskompetanse. Arbeidsgruppa foreslår at jordskifteretten skal ha kompetanse aleine til å halde erstatningsskjønn etter reindriftslova § 70 og skjønn etter veglova kapittel VII (private vegar). Jordskifteretten skal ha denne kompetansen anten han held skjønnet i samband med jordskifte, eller som eiga sak. Arbeidsgruppa foreslår òg at jordskifteretten skal ha kompetanse aleine til å avgjere spørsmål om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling dersom det er kravd jordskifte, bruksordning, avløyning eller grensegang etter jordskiftelova. Dette gjeld òg gjerdeskjønn med grunnlag i avtale mellom partane. Arbeidsgruppa foreslår dessutan å leggje kompetansen til å omskipe og avskipe servituttar etter servituttlova §§ 5 til 7, og utvise skog etter § 13 til jordskifteretten aleine.

#### 11.3.4.2 Høyringsinstansane

Mange høyringsinstansar uttaler seg om parallell kompetanse. Høyringsuttalane viser at det er delte meininger om disse spørsmåla. Høyringsuttalane kan grovt reknast i to grupper. I den eine dei som i hovudsak gjeld tilhøvet mellom tingrett og jordskifterett og den andre dei som gjeld tilhøvet mellom jordskifterett og såkalla lensmannsskjønn.

#### Parallell kompetanse tingrett – jordskifterett

*Justisdepartementet* er generelt skeptisk til å utvide kompetansen til særdomstolar, særleg dersom kompetansen til dei alminnelege domstolane skal reduserast tilsvarande. Ei utviding bør vere grunna i at særdomstolen har kvalifikasjonar som gjer den vesentleg betre egna enn dei alminnelege domstolane til å avgjere tvisten. I den grad jord-

skifteretten har ein særleg kunnskap på området, bør likevel kompetansen truleg leggjast til jordskifteretten aleine. Særleg gjer dette seg gjeldande der det etter dei alminnelege reglar eksisterar ein parallell kompetanse mellom jordskifteretten og dei alminnelege domstolar. Utover dei tilfella der jordskifteretten har særskilde kvalifikasjonar på området, bør kompetansen til jordskifteretten avgrensast til skjønn i samband med jordskifte.

*Domstoladministrasjonen (DA)* meiner at jordskifteretten bør ta over nokre av skjønnsoppgåvene til tingretten. Jordskifterettane har ein fagleg kunnskap og erfaringsbakgrunn knytt til fast eigedom som gjer at ytterlegare skjønnskompetanse burde vore vurdert overført. Dette gjeld ei rekkje av «lensmannsskjønna», men òg skjønn som blir behandla i tingrett i første instans.

*Statens vegvesen* ser positivt på å endre reglane om parallell skjønnskompetanse. Dei har merka seg at høyringsforslaga mellom anna vil få konsekvensar for skjønn etter veglova kapittel VII (private vegar). Statens vegvesen uttaler at

«Her vil det kun være jordskifteretten som kan holde skjønn og den stedlige kompetansen vil ikke lenger bli avgrenset til LNF-områder. Vegdirektoratet mener dette vil bli en god løsning. Ettersom jordskifteretten i disse sakene ofte møter de samme spørsmål som under jordskifte, mener vi jordskifteretten er særlig kvalifisert til å ta seg av sakene. Vi sikter her særlig til spørsmål som gjelder kostnadsdeling og felles bruk.»

*Dommerforeningen* har på si side innvendingar mot forslaget om å føre vidare kompetansen jordskifteretten har til å halde avtaleskjønn som eiga sak etter jordskiftelova § 6 fjerde ledd andre punktum. Dommerforeningen ser dette i samband med forslaget til arbeidsgruppa om ta bort den stadlege avgrensinga av skjønnskompetansen til jordskifteretten som ein finn i fleire lover. Dommerforeningen uttaler at

«Skjønn innenfor byer og tettbygde strøk reiser erfaringsmessig kompliserte problemstillinger både av prosessuell og erstatningsrettslig karakter. Forslaget berører også jordskifterettens kapasitet til å påta seg stadig nye oppgaver utenfor domstolens kjernevirksomhet. Saksbehandlingstiden i jordskifteretten ligger på et helt annet nivå enn i de alminnelige domstoler. Det arbeides derfor med langsiktige planer for å redusere restansene og bringe



saksbehandlingstiden gradvis nedover. Der- som jordskifterettens saksfelt skal utvides ytterligere, må det derfor begrunnes i et sterkt behov for å etablere et alternativ til tingrettens skjønnskompetanse. Dommerforeningen kan ikke se at dette behov er til stede. Spørsmålet er heller ikke problematisert i høyringsnotatet. Jordskifterettens kompetanse innenfor urbane områder bør derfor begrenses til avtaleskjønn som inngår som del av jordskifte, jf. utkastet § 5-1 første punktum. Den generelle adgang til å behandle skjønn som egen sak bør derfor gå ut.»

Fleire høyringsinstansar innan reindriftnæringa er skeptiske, eller går i mot at jordskifteretten skal få eksklusiv kompetanse til å halde erstatnings- skjønn etter reindriftslova § 70. Nokre spør seg om reindriftnæringa vil oppfatte jordskifteretten som tilstrekkeleg nøytral, om jordskifteretten har den indre forståinga av reindriften, og om det er rette tida for å gjere endringar. *Reindriftsforvaltningen* meiner ein kan spørje

«om reindriftnæringa vil oppfatte jordskifteretten tilstrekkelig nøytral i tvister mellom jordbruk og reindriften. Vi antar at det i saker kan være grunnleggende tvil om dette i reindriftnæringa. Det innebærer at kjennelse i jordskifteretten ikke får den nødvendige aksept som slike avgjørelser skal ha. Valgadgangen mellom jordskifterett og tingrett bør derfor opprettholdes.»

*Reinbeitedistrikt 36* uttaler på si side at

«For skader forårsaket av rein er det ikke alltid reiene alene som har skylden. Det er i dag mange flere grunner for slike skader, enn her for 30 til 50 år siden. Derfor er det viktig at domstolene har den indre reindriftsforståelsen.»

Reinbeitedistrikt 36 ser ingen grunn til å endre på dagens ordning, spesielt fordi ein i indre Finnmark har fått ein eigen tingsrett, der det samiske språket, kulturen og reindriften har ein eigen plass.

*Norske Reindriftsamers Landsforbund* meiner

«at en slik endring i kompetansespørsmålet ikke må gjennomføres nå. Samerettsutvalget 2 har enstemmig foreslått flere endringer i reindriftsloven, bl.a. i erstatningsreglene, se NOU 2007: 13 punktene 16.5.3 – 16.5.6 og s. 1230 flg.

Etter Samerettsutvalgets forslag vil erstatningsreglene for skade voldt av rein komme på linje med de prinsipper som gjelder i den alminnelige erstatningsretten. Slike erstatningsrettslige spørsmål avgjøres i dag av de alminnelige domstolene, og slik bør det også være for reindriften. Når det gjelder skade som andre beitedyr gjør, for eksempel ku, sau eller geit, er det de vanlige domstolene som avgjør disse erstatningsspørsmålene, se beiteloven av 16. juni 1961. Det er ingen grunn til å sette skade som rein setter i en særstilling i forhold til andre beitedyr.»

Fleire høyringsinstansar seier meininga si om parallell kompetanse i tilhøvet mellom jordskifterett og «lensmannsskjønn». Her er òg meiningane delte.

*Parallell kompetanse jordskifterett – lensmannsskjønn*

*Justisdepartementet* uttaler seg mellom anna om kva som blir konsekvensane av forslaget til arbeidsgruppa samla sett. Forslaget vil

«innebære at det i begrenset grad vil være aktuelt med «lensmannsskjønn». Med tanke på antallet skjønnsaker antas å bli begrenset, er en nærliggende problemstilling hvordan kompetansen på skjønnsaker skal opprettholdes (herunder utformingen av et passende undervisningsopplegg på Politihøgskolen). En fullstendig oppheving av ordningen med lensmannsskjønn vil kunne være en mulig tilnærming. Uansett anser vi det som nødvendig at disse konsekvenser av arbeidsgruppens forslag hensyntas og vurderes i det videre arbeidet.»

*Domstoladministrasjonen (DA)* meiner det går fram av departementets mandat at arbeidsgruppa òg skal ta stilling til «om dei reglene som i dag legg avgjørelsesmyndighet til ulike domstoler i same slag saker bør oppretthaldast, eventuelt om det er behov for endringer, jf. dei arbeidsoppgåvene som er nemnde i NOU 2002: 9 kap 9.3.6.6.1». DA viser til at det i NOU 2002: 9 kap. 9.3.6.6.1 mellom anna er vist konkret til at lovutredninga bør sjå nærare på moglegheitene for å overføre lensmannsskjønn til jordskifterettane. DA kan ikkje sjå at det i høyringsforslaget er gjort ein generell gjennomgang av ulike typar skjønn og skjønnskompetanse innanfor gjeldande lovgjeving. Høyringsforslaget drøfter i svært avgrensa grad spør-

målet om overføring av ytterlegare skjønnskompetanse til jordskifterettane etter deira meining.

DA viser til kor mange ulike heimlar det er av såkalla lensmannsskjønn og at med berre tre unntak er dette skjønn som i all hovudsak er relatert til fast eigedom. DA samanliknar òg grunnutdanninga ved politihøgskolen med undervisninga retta mot jordskifte kandidatane. DA meiner at jordskifterettane har ein fagleg kompetanse og erfaringsbakgrunn knytt til fast eigedom som gjer at ytterlegare skjønnskompetanse burde vore vurdert overført. Dette gjeld ei rekkje av «lensmannsskjønn», men òg skjønn som blir behandla i tingrett i første instans.

*Politidirektoratet* sluttar seg òg til forslaget til ny jordskiftelov om skjønn. Dei legg vekt på behovet for eit sterkt fagmiljø og eit visst sakstilfang for å kunne oppretthalde nødvendig kunnskap på området, samt omsynet til likebehandling.

*Norges Bondelag* støttar òg forslaga frå arbeidsgruppa. Dei meiner at kompetansen til å avgjere spørsmål om gjerdehaldstvang og kostnadsfordeling etter grannegjerdelova, fullt ut bør leggjast til jordskifteretten. Jordskifteretten har god kunnskap til å avgjere slike spørsmål, ein kunnskap som dei alminnelege domstolane ofte manglar.

Fleire jordskifterettar gir uttrykk for at dei støttar forslaga heilt eller delvis. *Sør-Rogaland jordskifterett* seier at

«Rent bortsett fra servituttskjønn er vi enig med arbeidsgruppa sitt forslag og begrunnelse. Vi mener som arbeidsgruppa at servituttskjønn kan gå for jordskifteretten alene, men er skeptisk til å flytte bestemmelsene fra servituttløven.»

*Gulating jordskifteoverrett* uttaler på si side at

«Forslaget fører til at jordskifteretten får eksklusiv kompetanse til mellom anna å halde beiteskjønn, gjerdeskjønn, servituttskjønn og skjønn etter reindrifstlova. Samstundes blir jordskifteretten si stadlege avgrensing av skjønnskompetanse oppheva. Vi er samde i forslaga og meiner at dette kan føre til meir lik handsaming av slike saker.»

Det har òg kome innvendingar mot forslaget til arbeidsgruppa om å leggje einskilde skjønnsstypar til jordskifteretten aleine. *Norges Politilederslag* ønskjer at ordninga med «lensmannsskjønn» skal førast vidare. *Norges Politilederslag* uttaler mellom anna at

«Det er grunn til å understreke at for at et slikt gjøremål for lensmenn/namsfogder/politistasjonssjefer skal kunne utføres på en skikkelig måte og for at kompetansen skal kunne opprettholdes må det være et visst volum på gjøremålet. Vi nevner også at det i dag foregår hensiktsmessig undervisning i faget på politiskolen.»

*Rødøy kommune* har òg innvendingar. Kommunen uttaler

«at jordskifteretten vil trenge lang tid for å ta opp en sak. Det må fortsatt være anledning for lensmannsskjønn i beite og gjerdetvister der det trengs en snar avgjørelse for kortere eller nærmere avgjort tidsrom.»

### 11.3.4.3 Departementets vurderingar

#### Generelt

Departementet meiner at lovreguleringa av skjønn og andre avgjerder etter andre lover reiser fleire problemstillingar. Ein må sørgje for å leggje kompetansen til å halde skjønn eller treffe andre avgjerder til den instansen som er best fagleg rusta til det. Det kan vere fleire instansar som har tilstrekkeleg fagleg kunnskap. Ein må òg ta omsyn til mogleheita brukarane har til å finne fram til rett instans, til den saksbehandlingstida ein må rekne med, og den tiltrua brukarane har til at handlinga er upartisk, anten det er tingretten, jordskifteretten eller «lensmannsskjønn» som held skjønnet eller tek avgjerda.

Spørsmål om å gjere endringar i reglar som inneber parallell kompetanse har vore oppe til drøfting tidlegare. Ei slik vurdering er mellom anna gjort i Ot.prp. nr. 106 (2002–2003) Om lov om endringar i domstolloven og jordskifteloven (jordskifterettens stilling og funksjoner) punkt 7.6, som viser til utgreiinga til Løken-utvalet i NOU 2002:9 Jordskifterettens stilling og funksjoner. Utvalet vurderte spørsmålet slik:

«En rekke skjønn etter særlov kan eventuelt vurderes lagt eksklusivt til jordskifterettene. Dette gjelder for eksempel gjerdeskjønn, beiteskjønn (som jordskifterettene i dag har hjemmel til å behandle), visse skjønn etter vegloven og skjønn etter servituttløven og jordloven.»

Landbruks- og matdepartementet slutta seg i hovudsak til merknadene til utvalet om framtidige oppgåver. Mandatet departementet ga til arbeids-

gruppa som skulle vurdere ny jordskiftelov viser synspunkta, sjå kapittel 2.

Når ein vurderer om jordskifteretten skal få utvida sin kompetanse til å halde skjønn og ta andre avgjerder, må ein ta omsyn til at jordskifteretten behandlar langt fleire problemstillingar nå enn da gjeldande jordskiftelov blei til. Problemstillingane er av ulik karakter. Jordskifteretten er nå inne i urbane strok, og er såleis godt kjende med dei spesielle problema som saker i slike strok reiser. Departementet meiner jordskifteretten i mykje større grad enn tidlegare er i stand til å løyse problemstillingar av prosessuell og erstatningsrettsleg karakter i både rurale og urbane strok.

#### *Erstatningsskjønn etter reindriftslova § 70*

Fleire høyringsinstansar innan reindrifta ønskjer at det framleis skal vere mogleg for partane å kunne velje mellom tingrett og jordskifterett når det gjeld erstatningsskjønn for skade valde av rein etter reindriftslova § 70. Reindriftsforvaltninga reiser for eksempel spørsmål om reindriftnæringa vil oppfatte jordskifteretten som tilstrekkeleg nøytral i tvistar mellom jordbruk og reindrift. Reinbeitedistrikt 36 uttaler at det er viktig at domstolane har det dei omtalar som «den indre reindriftsforståelsen». Norske Reindriftsamers Landsforbund meiner at det ikkje er rette tida til å gjere endringar nå.

Spørsmålet om jordskifteretten skal ha skjønnskompetanse i erstatningsskjønn etter reindriftslova § 70, og om den eventuelt skal dele den med tingretten, er tidlegare drøfta i Ot.prp. nr. 28 (1994–95) Om lov om endringar i reindriftsloven, jordskifteloven og viltloven. Landbruksdepartementet vurderte både jordskifteretten og herads- eller byretten som moglege instansar for slikt erstatningsskjønn. Departementet kom til at både jordskifterett og herads- eller byrett er egna til å halde desse skjønna. Departementet meinte at det burde vere høve til å velje jordskifterett eller herads- eller byrett og peikte på at ein har ei tilsvarende ordning for grensegangssaker etter jordskiftelova § 88.

Departementet er i nokon tvil om behovet for å ha ein valfridom i saker etter reindriftslova § 70. Departementet har likevel merka seg at det innan reindrifta kan vere tvil om jordskifteretten er tilstrekkeleg nøytral i tvistar mellom reindrift og jordbruk. Reindriftsforvaltninga seier i si uttale at det kan vere grunnleggjande tvil om det i reindriftnæringa. Ein slik skepsis er òg kome til

uttrykk i Ot.prp. nr. 25 (2006–2007) Om lov om reindrift (reindriftsloven) punkt 8.20 side 47.

Det er eit mål at det skal gå føre seg ei tillitskapande behandling av saker i jordskifteretten på lik line med dei krava ein stiller til behandlinga i andre rettar. For jordskifteretten er det særleg kome til uttrykk i lovforslaget § 1-1 andre ledd. Den nye jordskiftelova skal leggje til rette for mellom anna rettferdig og tillitsskapande behandling av sakene. Jordskifteretten må opptre nøytralt for å nå dette målet. Lovforslaget § 6-16 fjerde ledd kan bidra til at målet blir nådd. Det er sagt i føresegna at «Retten må gi rettleiinga på ein måte som ikkje svekkjer tilliten til at han er upartisk. Retten kan ikkje gi partane råd om standpunkt i tvistespørsmål, eller om kva prosesshandlingar dei bør setje i verk.» Det er uansett ikkje berre i saker om erstatning etter reindriftslova § 70 der det er viktig for jordskifteretten å opptre nøytralt. Det gjeld for alle dei sakene jordskifteretten har til behandling.

Departementet meiner det ikkje er grunn til å tru noko anna enn at jordskifteretten vil opptre like nøytralt i tvistar mellom reindrift og jordbruk som det dei alminnelege domstolane gjer. Høyringsuttalane frå Norske Samers Riksforbund, Norske Reindriftsamers Landsforbund og Reinbeitedistrikt 36 tyder på at næringa har tiltru til den faglege kompetansen til jordskifteretten når det gjeld å ordne opp i konflikhtar mellom dei som utøvar reindrift. Når næringa har denne tiltrua til jordskifteretten, skulle det heller ikkje vere grunnlag for skepsis til nøytraliteten til jordskifteretten i saker etter reindriftslova § 70.

Det er òg høyringsuttalar som støttar forslaget til arbeidsgruppa. Hålogaland jordskifterett meiner det er riktig at jordskifteretten får einekompetansen på nokre sentrale område, mellom anna når det gjeld skjønn etter reindriftslova.

Sjølv om det ikkje er grunnlag for å tru at jordskifteretten vil opptre partisk i saker etter reindriftslova § 70, er det likevel ikkje rett å endre reglane dersom fleire aktørar innan reindrifta framleis stiller spørsmålsteikn ved nøytraliteten til jordskifteretten i skjønnsaker etter reindriftslova § 70. Norske Reindriftsamers Landsforbund viser til at Samerettsutvalget 2 samstemt har foreslått fleire endringar i reindriftslova, mellom anna i erstatningsreglane, sjå NOU 2007: 13 punkta 16.5.3 – 16.5.6 og side 1230 flg. Etter forslaget til Samerettsutvalget vil erstatningsreglane for skade voldt av rein komme på line med dei prinsippa som gjeld i den alminnelege erstatningsretten. Slike erstatningsrettslege spørsmål avgjer dei alminnelege domstolane i dag. Departementet

meiner ein bør vente og sjå kva som kjem ut av arbeidet med innstillinga frå Samerettsutvalget.

Departementet foreslår etter dette ikkje endringar i kompetansen til å halde skjønn etter rein-driftslova § 70.

#### *Parallell kompetanse, jordskifterett – såkalla lensmannsskjønn*

Når det gjeld parallell kompetansedeling mellom jordskifterett og «lensmannsskjønn» meiner departementet at ordninga gjer regelverket komplisert.

Det vil for vanlege rekvirentar kunne vere vanskeleg å finne fram til rett instans og finne ut korleis sakene skal behandlast.

Departementet meiner òg at ein bør gjere reglane om rettsmiddel enklare. Høyrer skjønnsforretninga under «lensmannsskjønn», kan partane etter skjønnsprosesslova § 31 første ledd klage til tingretten over nærare nemnde avgjerder forut for forretninga, eller som blir treffe under forretninga. Lensmannsskjønn kan elles prøvast ved overskjønn når ikkje anna er bestemt ved lov. Ingen av «lensmannsskjønna» det er aktuelt å gi til jordskifteretten aleine, er tekne unna denne regelen. Dersom jordskifteretten held skjønnsforretninga i staden, vil desse spørsmåla behandlast av lagmannsretten.

Departementet meiner at ein må ha eit visst volum på gjeremåla for at dei skal kunne utførast på ein skikkeleg måte. Departementet meiner det kan vere ein fordel å leggje kompetanse til eit organ aleine. Det vil auke kunnskapen og erfaringa til den retten som har kompetansen. Dette må reknast for å vere sers viktig på område der det er få saker. Ein må òg sjå på korleis ein utdannar dei som skal leie skjønnsaker. Det går føre seg ei hensiktsmessig undervising på Politihøgskolen, men det er grunn til å tru at undervisinga av jordskifte kandidatane er meir retta inn på å løyse skjønnsoppgåver, noko Domstoladministrasjonen er inne på i sin høyringsuttale.

Det er om lag 22 heimlar for «lensmannsskjønn» fordelt på ulike lover. Reduserar ein talet på «lensmannsskjønn», som år om anna ikkje er stort, med 5 sakstypar slik departementets lovfor-slag går ut på, vil det kunne føre til ei gradvis nedtrapping av kunnskapen og erfaringa til dei som held «lensmannsskjønn». Det er ikkje heldig med tanke på dei skjønnsforretningar lensmenn skal halde etter andre lover. Det viktigaste er likevel å gjere skjønnsordninga mest mulig forståeleg, og

gjere dei aktørane som opptre så gode som mogleg. Det får ein til om ein legg meir kompetanse til jordskifteretten. Ein bør seinare vurdere om det er andre skjønnsforretningar som òg bør styrast av jordskifteretten.

Departementet meiner parallell kompetanse kan gjere det vanskelegare å få likebehandling av same type sak. Det er truleg vanskeleg for styra-rane av lensmannsskjønn å halde seg orientert om resultatane i jordskifteskjønna og omvendt. Ein får truleg lettare einsarta praksis ved å redusere omfanget av parallell kompetanse.

På den andre sida er det fordelar knytt til ordninga med «lensmannsskjønn». I Ot.prp. nr. 43 (2003–2004) Om lov om endringer i rettergangslov-givningen m.m. (organiseringen av den sivile rettspleie på grunnplanet) er det i punkt 6.6 mellom anna sagt at «lensmannsskjønn» ofte vil falle rimelegare enn rettslege skjønn. Grunnen til det er mellom anna at det ved «lensmannsskjønn» skal delta to skjønnsmenn, medan det ved tingretten som hovudregel skal delta fire skjønnsmenn. Det blir dessutan halde fram at partane oftare vil føle behov for advokat når skjønnet går for tingretten.

Det som står i avsnittet over gjeld tilhøvet mellom skjønnsforretningar for tingretten og lensmannsskjønn. I nokon grad gjeld det òg i tilhøvet mellom jordskifterett og lensmannsskjønn. Departementet foreslår å endre reglane om samsetjinga til jordskifteretten, slik at hovudregelen blir at jordskifteretten kan setjast med jordskiftemeddommaren som einedommar. Partane kan dermed la saka gå utan meddommarar om dei vil spare kostnadene til dette. Ei endring vil såleis ikkje føre til auka kostnader av avgjerande tyding for skjønn og andre avgjerder i samband med sak for jordskifterett. For skjønn og andre avgjerder i eiga sak, følgjer kostnadene av skjønnsprosesslova. Det er elles i praksis ikkje så vanleg at partane brukar advokat i saker for jordskifteretten. Departementet fryktar såleis ikkje at partane skal føle auka behov for å bruke advokat om skjønn blir halde av jordskifteretten i staden for at det blir halde som eit «lensmannsskjønn».

Departementet foreslår etter dette endringar i reglane om parallell kompetanse både når det gjeld tilhøvet mellom tingrett og jordskifterett og når det gjeld tilhøvet mellom «lensmannsskjønn» og jordskifterett. Departementet foreslår òg at jordskifteretten skal overta kompetansen til å halde skjønn på område der ein i dag har lensmannsskjønn. Forslaga går fram av den tematiske gjennomgangen i punkt 11.5.

## 11.4 Stadleg avgrensing

### 11.4.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å ta bort den stadlege avgrensinga (knytt til plan- og bygningslova) av kompetansen som jordskifteretten har til å halde skjønn etter jordskiftelova § 6, veglova § 60, grannegjerdelova § 16 og servituttlova § 19.

### 11.4.2 Høyringsinstansane

Ei rekkje høyringsinstansar uttaler seg om forslaget. Mange av dei som uttaler seg meiner at ein bør fjerne den stadlege avgrensinga (knytt til plan- og bygningslova) av kompetansen som jordskifteretten har. Nokre få meiner at det er grunn til å halde på avgrensinga.

*Justisdepartementet* er av dei som meiner at avgrensinga bør fjernast. Dei uttaler:

«Justisdepartementet peker også på at når skjønnsprosessloven skal revideres, vil også jordskifterettens skjønnskompetanse måtte vurderes. Men vi kan ikke se at dette hindrer at en allerede nå kan fremme forslag om utvidelse av jordskifterettens skjønnskompetanse der hvor dette nettopp er begrunnet i rettens særlige kompetanse på området og eventuelt for å unngå en uønsket dobbeltkompetanse. Generelt sett støtter vi derfor arbeidsgruppens forslag om utvidelser i jordskifterettens skjønnskompetanse, men ber om at de retningslinjer som er antydnet her hensyntas i det videre lovarbeidet.»

*Domstoladministrasjonen (DA)* meiner ein bør fjerne avgrensinga. DA uttaler:

«Lovforslaget innebærer også at den stedlige begrensningen for jordskifterettens skjønnskompetanse oppheves. DA støtter disse delene av lovforslaget og mener dette er et viktig og nødvendig grep for å sikre en mer rasjonell, effektiv og lik behandling av skjønnsaker.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedomme og Statens vegvesen* er positive til at den stadlege avgrensinga blir teken bort. Det same er *Fylkesmannen i Hordaland* fordi det dreier seg om sakstypar der jordskifteretten har god kompetanse, og der handsaming i jordskifteretten kan finne stad på ein meir kostnadseffektiv måte enn ved nåverande ordning. *Vegdirektoratet* meiner òg ein får ei god løysing når kompe-

tansen til jordskifteretten ikkje lenger avgrensast til LNF område. Ettersom jordskifteretten i disse sakene ofte møter dei same spørsmåla som under jordskifte, meiner Vegdirektoratet at jordskifteretten er særlig kvalifisert til å ta seg av sakene. Dei sikter særleg til spørsmål som gjeld kostnadsdeling og felles bruk. Vegdirektoratet peikar òg på at høyringsforslaget kan få konsekvensar for skjønn som partane kan avtale etter § 6 fjerde ledd i jordskiftelova. Dette vil føre til at det utanfor LNF område blir høve til å avtale at jordskifteretten held skjønn for å få fastsett erstatning i samband med grunnerverv. Dette ser Vegdirektoratet som ein fordel, fordi jordskiftedommarar har ein kompetanse innanfor verdsetjing som tingrettsdommarar etter deira meining til vanleg ikkje har.

*Dommerforeningen* meiner kompetansen til jordskifteretten innanfor urbane område bør avgrensast til avtaleskjønn som inngår som ein del av jordskifte. Det generelle høvet til å behandle skjønn som eiga sak, bør gå ut. Jordskifterettane har gjennom sin spesielle kompetanse fått tilført jordskiftetfaglege oppgåver innafor urbane område, men det kan etter deira meining ikkje utan vidare gi grunnlag for å gi dei generell skjønnskompetanse på line med tingrettane innanfor det same området. Dommerforeningen viser til at skjønna i urbane strom erfaringsmessig reiser kompliserte problemstillingar, både av prosessuell og erstatningsrettsleg karakter. Forslaget rører òg ved kapasiteten til jordskifteretten til å ta på seg stadig nye oppgåver utanfor kjerneverksmda til domstolen. Saksbehandlingstida i jordskifteretten ligg på eit heilt anna nivå enn i alminnelege domstolar. Dersom saksfeltet til jordskifteretten skal utvidast ytterlegare, må det difor bli grunna i eit sterkt behov for å skipe eit alternativ til skjønnskompetansen til tingretten. Dommerforeningen kan ikkje sjå at dette behovet er til stades.

### 11.4.3 Departementets vurderingar

Kompetansen som jordskifteretten har til å halde skjønn etter gjeldande jordskiftelov § 6, veglova § 60, grannegjerdelova § 16 og servituttlova § 19 er stadleg avgrensa. Avgrensinga inneber at jordskifteretten i hovudsak berre kan halde skjønn for areal som er lagt ut som landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift i medhald av § 11-7 nr. 1 i plan- og bygningslova eller er regulert til slik bruk eller vern, eller areal som ligg i uregulert område.

Den stadlege avgrensinga i gjeldande jordskiftelov § 6 er språkleg sett ikkje heilt lik avgren-

singa i veglova § 60, grannegjerdelova § 16 og servituttlova § 19. Dette kompliserar reglane noko.

Gjeldande jordskiftelov § 6 femte ledd første punktum inneheld hovudregelen for den stadlege avgrensinga for saker etter gjeldande jordskiftelov § 6. Kompetansen til jordskifteretten til å halde skjønn etter gjeldande jordskiftelov § 6 er avgrensa til å gjelde for areal som er lagt ut til landbruks-, natur- og friluftsliv samt reindrift i medhald av § 11-7 nr. 1 i plan- og bygningslova, eller er regulert til slik bruk eller vern, eller ligg i uregulert område. Det er gjort eit unntak i § 6 femte ledd andre punktum. Jordskifteretten kan likevel halde skjønn etter første, andre og tredje ledd, dersom det er nødvendig av omsyn til jordskiftet når dei interessene som det blir rokka ved gjeld landbruk-, naturvern- eller friluftsliv, eller når det ligg føre særlege grunnar. Ein finn ikkje den same unntaksregelen i veglova § 60, grannegjerdelova § 16 og servituttlova § 19. Dei ulike reglane bidrar til å komplisere reglane.

Når det gjeld grunngevinga for den stadlege avgrensinga i veglova § 60, grannegjerdelova § 16 og servituttlova § 19, blir det i forarbeida vist til grunngevinga for avgrensinga av kompetansen etter gjeldande jordskiftelov § 6 femte ledd første punktum, sjå Ot.prp. nr. 57 (1997–98) om lov om revisjon av jordskiftelova side 37. På side 37 er det sagt følgjande om den stadlege avgrensinga i jordskiftelova § 6:

«Framlegget er ei vesentleg avgrensing i høve til framlegget i oppgåverrapporten, som gjekk ut på at jordskifteretten skulle ha kompetanse i heile landet. Etter departementet si meining er det først og fremst LNF-områda jordskifteretten har røynsle frå gjennom samferdselsjordskifte, det er slike område spisskompetansen i verdsetting knyter seg til, og det er i slike område tilhøva i dag ligg best til rette for arealbytte, tilleggsjord og store skiftegevinstar.»

Det står vidare følgjande om unntaket på side 37 om forslaget til unntak i § 6 femte ledd andre punktum:

«Departementet finn det nødvendig å gjere framlegg om unntak frå hovudregelen om stadleg kompetanse. Det må framleis vere heimel til å take med eigedomar som fell utanfor omgrepet LNF-område når det er nødvendig av omsyn til jordskiftet.»

Det står vidare på side 37 at departementet meiner

«det må gjerast unntak for dei høve det er motstrid mellom formell planstatus og realitet. Problemstillinga kan illustrerast med eit døme. Eit skogareal vert lagt ut som byggeområde i arealdelen av kommuneplan. Styresmaktene vedtek seinare at området skal vernast som reservat etter naturvernlova. Etter departementet sitt framlegg til hovudregel vil det i slike høve kunne oppstå tvil om den stadlege kompetansen. Departementet legg til grunn at det må vere den reelle situasjonen som vert avgjerande for jordskifteretten sin kompetanse i slike høve. Departementet gjer derfor framlegg om at jordskifteretten skal ha kompetanse når dei interesser som vert berørt gjeld landbruk, naturvern eller friluftsliv. Det er såleis desse interessene som er dei dominerande i jordskiftet og i skjønnet. Endeleg ser departementet det som naudsynt med eit unntak når det ligg føre særlege grunnar. Dette vil vere aktuelt for mindre samanhengande område som vert omfatta av ei større jordskiftesak. Føresetnaden for dette er at det framstår som praktisk og prosessøkonomisk – og at partane er samde om det.»

Det har stadig skjedd ei utvikling når det gjeld verkeområdet til jordskifteretten. Gjeldande jordskiftelov § 2 fekk med verknad frå 1. januar 2007 eit tillegg slik at jordskifteretten etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd (ny) bokstav h kan fordele arealverdiar og fordele kostnader ved ulike sams tiltak i og for område for bebyggelse og anlegg etter §§ 11-7 nr. 1 og 12-5 nr. 1 i plan- og bygningslova. Jordskifte kan òg etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd (ny) bokstav i gå ut på å omforme eigedommar og rettar på grunnlag av utenlege eigedomstilhøve som følgje av godkjent reguleringsplan etter plan- og bygningslova i område som gjeld eksisterande byggjeområde og nytt byggjeområde.

Departementet meiner den erfaringa jordskifteretten har fått etter å ha behandla saker i urbane strok sidan 2007 inneber at ein nå kan sjå annleis på spørsmålet. Jordskiftelova gjeld for byar og tettstader med mindre det ligg føre lovpositive unntak. Jordskifteretten har sidan 1934 hatt kompetanse til å halde grensesaker. Jordskifteretten er i byar og tettstader når det gjeld reine jordskiftesaker.

Jordskifteretten har andre kompliserte oppgåver utanfor LNFR-området som avgrensar kompetansen til jordskifteretten. Det kan vere aktuelt å halde skjønn og ta avgjerd etter særlov i desse høve. Når jordskifteretten allereie har oppgåver,

meiner departementet det er naturleg at dei òg held skjønn og tek andre avgjerder som følgjer med. Departementet meiner jordskifterettane nå har den kunnskapen og erfaringa som skal til for å halde desse skjønna uansett planstatus. Dei fleste høyringsinstansane som uttaler seg meiner det vil føre til ei god løysing om ein tek vekk den stadlege avgrensinga, sjå for eksempel uttalen til Statens vegvesen. Departementet er samd med desse høyringsinstansane. Jordskifteretten møter i desse sakene ofte dei same spørsmål som under jordskifte. Jordskifteretten må da reknast for særleg kvalifisert til å ta seg av sakene. Dette gjeld særleg spørsmål som gjeld kostnadsdeling og felles bruk.

Statens vegvesen uttaler òg at forslaget vil kunne få konsekvensar for skjønn som partane kan avtale etter § 6 fjerde ledd i gjeldande jordskiftelov. Forslaget inneber at det utanfor LNFR-område blir høve til å avtale at jordskifteretten held skjønn for å få utmålt erstatning i samband med grunnerverv. Dette ser Vegvesenet som ein fordel, ettersom jordskiftedommarar har kunnskap og erfaring innanfor verdsetjing som tingrettsdommarar som regel ikkje har. Departementet er samd i dette.

Departementet er samd med Dommerforeningen i at skjønn innafor byar og tettbygde strok erfaringsmessig reiser kompliserte problemstillingar både av prosessuell og erstatningsrettsleg karakter, men meiner likevel at jordskifteretten nå har den kompetansen som skal til for å løyse spørsmåla.

Departementet meiner òg som Fylkesmannen i Hordaland at behandling i jordskifteretten kan finne stad på ein meir kostnadseffektiv måte enn ved noverande ordning. Departementet er òg i tvil om ein vil få vesentleg lengre saksbehandlingstid i jordskifteretten enn i dei alminnelege domstolane. Dette er likevel eit administrativt spørsmål som ein meiner må kunne løysast.

Kommentarane i forarbeida til gjeldande jordskiftelov § 6 femte ledd andre punktum kan tyde på at det er ein vanskeleg regel å praktisere. Det inneber at ein kan få vanskelege grensetilfelle og det er ikkje heldig å ha eit så vidt uklart kompetansegrunnlag som den stadlege avgrensinga inneber. Departementet meiner det ligg ei vesentleg regelverkforenkling i forslaget om å ta bort den stadlege kompetanseavgrensinga. Da det dessutan må leggjast til grunn at jordskifterettane har den kunnskapen som skal til for å løyse desse sakene, òg utanfor det området dei allereie har kompetanse, kan departementet ikkje sjå nokon

avgjerande grunn til å ha ei slik avgrensing framover.

## 11.5 Kompetansen til jordskifteretten

### 11.5.1 Skjønn i samband med tiltaksjordskifte, vernejordskifte med meir

#### 11.5.1.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår ikkje endringar i det materielle innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 6, med unntak av den stadlege avgrensinga av kompetansen til å halde skjønn, sjå punkt 11.5. Arbeidsgruppa meiner gjeldande jordskiftelov § 6 er noko vanskeleg å forstå, og foreslår to nye paragrafar i staden for ein som i dag. Arbeidsgruppa foreslår å korte ned på teksten. Det er ikkje meininga til arbeidsgruppa å endre det materielle innhaldet utover dette. Arbeidsgruppa foreslår å leggje kompetansen til å halde avtaleskjønn etter gjeldande jordskiftelov § 6 fjerde ledd andre punktum til ein eigen paragraf fremst i kapitlet. Arbeidsgruppa foreslår dessutan å føre vidare presiseringa i jordskiftelova § 6 sjetle ledd om at paragrafen ikkje gjeld for ekspropriasjon og regulering av eigarrådveldet i vassdrag.

#### 11.5.1.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen (DA)* konstaterer at arbeidsgruppa foreslår å føre vidare avgrensinga i skjønnskompentansen ved vernejordskifte. Forslaget synest ikkje å vere utreda eller grunna. DA konstaterer at jordskiftedomstolane har kompetanse til å fastslå om det ligg føre eit erstatningsgrunnlag i fleire andre erstatningsskjønn, så som ved tiltaksjordskifte og reinbeiteskjønn. DA ser derfor ingen fagleg og sakleg grunn til at denne særregelen ved vernejordskifte skal først vidare.

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedomme* konstaterar at høyringsforslaget § 5-2 om skjønn ved tiltaks- og vernejordskifte fører vidare føresegna som gjeld i dag. Paragrafen har etter deira syn fått ei god utforming.

*Jordskiftedommarane i Eidsivating jordskiftedomme* meiner at siste del av høyringsforslaget til arbeidsgruppa § 5-2 må takast bort. Dei meiner at jordskifteretten må kunne behandle både erstatningsspørsmålet og sjølv skjønnet ved offentleg ekspropriasjon til bestemte tiltak eller ved «offentleg regulering av rådighetsinnskrenkning». Det er etter deira meining ufornuftig å kjøre to parallelle løp for å avgjere det same. Dei meiner dette ligg

godt innafor kompetansen til jordskifteretten. Dei seier dei er vant til dette i samband med mellom anna tålegrensar. Ny naturmangfoldlov gjer òg spørsmålet enklare etter deira meining.

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommarane i Frostating jordskiftedømme* uttaler om gjeldande jordskiftelov § 6 andre ledd:

«Vi meiner i alle høve at det ikkje kan vere nødvendig at spørsmålet om erstatning eller ikkje først skal avgjerast av dei ordinære domstolane, og at jordskifteretten kjem etter og gjennomfører skjønnet. Jordskifteretten må få heimel til å dekkje heile prosessen.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner teksten i høyringsforslaget § 5-2 er omstendelig og foreslår følgjande lovtekst: «Jordskifteretten held skjønn under tiltaksjordskifte og vernejordskifte.»

Fleire høyringsinstansar meiner det er unødvendig å seie i lova når jordskifteretten ikkje kan halde skjønn. *Advokatforeningen* uttaler dessutan at det kan skapast eit inntrykk av at kapitlet skal gjelde i alle skjønnsstille der det ikkje spesifikt er gjort unntak. Grunnen til det er at det i kapitlet seiast kompetansen ikkje gjeld for ekspropriasjon og regulering av eigarrådvelde i vassdrag.

### 11.5.1.3 Departementets vurderingar

#### *Skjønn i samband med tiltaksjordskifte og vernejordskifte*

Departementet foreslår å knytte dei skjønna som i dag er heimla i gjeldande jordskiftelov § 6 første ledd til omgrepet tiltaksjordskifte og skjønn etter gjeldande jordskiftelov § 6 andre ledd til omgrepet vernejordskifte. Omgrepa tiltaksjordskifte og vernejordskifte blir ikkje brukt i gjeldande jordskiftelov § 6. Det er likevel vanleg å kalle jordskifta omhandla i første og andre ledd for tiltaksjordskifte og vernejordskifte. Omgrepet tiltaksjordskifte blir definert i lovforslaget § 1-3 bokstav b. Innhaldet i lovforslaget § 1-3 bokstav b er meint å dekkje det ein til vanleg har forstått med tiltaksjordskifte. Med tiltaksjordskifte er meint jordskifte som følgje av iverksetjing av slike tiltak som bygging, utbetring, vedlikehald, drift og nedlegging av anlegg. Omgrepet vernejordskifte er definert i lovforslaget § 1-3 bokstav c. Med vernejordskifte er meint jordskifte som er ein følgje av offentlig regulering av eigarrådvelde.

Jordskifteretten «held» ekspropriasjonsskjønnet ved tiltaksjordskifte når den er stadleg kompetent. Jordskifteretten har såleis eksklusiv kompe-

tanse når skjønn blir halde samtidig med eller i samband med jordskifte innafor eit stadleg avgrensa område. Departementet meiner ein bør føre vidare den eksklusive kompetansen jordskifteretten har til å halde tiltaksskjønn i samband med jordskifte i den nye jordskiftelova.

I gjeldande jordskiftelov § 6 første ledd står det at jordskifteretten «held» ekspropriasjonsskjønnet, medan det i andre ledd står at jordskifteretten «kan halde» erstatningsskjønnet. Når det i andre ledd står at jordskifteretten kan halde erstatningsskjønnet, så kan det tyde på at jordskifteretten og tingretten har parallell kompetanse. Departementet meiner jordskifteretten framleis skal ha kompetanse til å halde erstatningsskjønn ved offentlig regulering av eigarrådvelde når jordskifte blir halde i samband med slik regulering. Departementets forslag inneber at kompetansen skal vere eksklusiv for jordskifteretten i desse tilfella. Departementet meiner det fagleg sett ikkje er grunnlag for å skilje skjønn i samband med tiltaksjordskifte og skjønn i samband vernejordskifte. Ein får dessutan enklare reglar om ein har like reglar om kompetanse for disse skjønna. Jordskifteretten har den kunnskapen og erfaringa som skal til for å halde verneskjønnet og ein kan ikkje sjå at det skal vere nokon avgjerande grunn til at partane skal kunne velje mellom to rettar.

Etter gjeldande reglar kan jordskifteretten halde skjønn til fastsetjing av erstatning i samband med regulering av eigarrådvelde når vedkomande offentlege styresmakt sjølv legg til grunn at det skal ytast erstatning. Departementets forslag til nye reglar er ikkje meint å endre på dette.

Legg ikkje vedkomande offentlege styresmakt til grunn at det skal ytast erstatning, kan jordskifteretten berre halde skjønn til fastsetjing av erstatning, dersom det er rettskraftig avgjort av dei ordinære domstolane at det skal ytast erstatning. Departementet er samd med Jordskiftedommarane i Eidsivating jordskiftedømme og jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommarane i Frostating jordskiftedømme i at denne avgrensinga bør takast bort. Departementet meiner det er fornuftig at jordskifteretten skal kunne behandle både erstatningsspørsmålet, og sjøve skjønnet ved offentlig regulering av eigarrådvelde. Departementet meiner jordskifteretten har den kunnskapen og erfaringa som skal til for å avgjere erstatningsspørsmålet. Jordskifteretten er vant til dette i frå saker som gjeld konfliktar mellom ulike interessegrupper. Departementet meiner òg som jordskiftedommarane i Eidsivating jordskiftedømme at spørsmålet har blitt enklare å avgjere med den nye naturmangfoldlova. Ein viser til naturmang-



foldlova § 50 første ledd. Der står det at ein eigar eller rettshavar i ein eigedom som heilt eller dels blir verna som nasjonalpark, landskapsvernområde, naturreservat, biotopvernområde eller marint verneområde, har rett til erstatning frå staten for økonomisk tap. Det er eit vilkår at vernet fører til ei vanskeleggjering av igangverande bruk. For bruk som treng løyve frå offentleg myndigheit, gjeld retten til erstatning berre om løyve er gitt før det er kunngjort etter § 42. Ein viser òg som Domstoladministrasjonen til at jordskiftedomstolane har kompetanse til å fastslå om det ligg føre eit erstatningsgrunnlag i fleire andre erstatningsskjønn. Det er tilfelle ved tiltaksjordskifte og skjønn etter reindriftslova § 70. Departementet ser derfor ingen avgjerande grunn til at denne særregelen ved vernejordskifte skal først vidare. Departementets lovforslag inneber at jordskifteretten skal avgjere ved dom om det skal ytast erstatning i dei tilfella vedkomande offentlege styresmakt sjølv ikkje har lagt til grunn at det skal ytast erstatning. Dette går fram av lovforslaget § 5-8 tredje ledd.

Departementet er samd med jordskiftedommarane i Eidsivating jordskiftedømme i at ein kan gjere heimelen enklare når en tek bort vilkåret om at erstatningsspørsmålet skal vere rettskraftig avgjort av dei ordinære domstolane. Ein kan da slå saman første og andre punktum i høyringsforslaget § 5-2, sjå lovforslaget § 5-1 første punktum. Sidan omgrepa tiltaksjordskifte og vernejordskifte er definerte i lovforslaget § 1-3 bokstavane b og c, meiner departementet at regelen vil bli lett å forstå.

*Avtaleskjønn ved friviljug avståing av areal til formål det er ekspropriasjonsheimel for, friviljug avtale om regulering av eigarrådvelde og skjønn for eigedom som ikkje blir omfatta av jordskifte*

Jordskifteretten kan etter gjeldande jordskiftelov § 6 tredje ledd halde skjønn når nokon samtidig med, eller i samband med jordskifte, friviljug avstår areal til formål det er ekspropriasjonsheimel for, eller når ein friviljug inngår avtale om regulering av eigarrådvelde. Det må liggje føre avtale mellom partane om at jordskifteretten skal halde skjønnet som del av jordskiftesaka. Departementet meiner denne kompetansen bør først vidare i den nye jordskiftelova. Gjeldande jordskiftelov § 6 tredje ledd inneheld mellom anna formuleringa «avstår areal til føremål som det er ekspropriasjonsheimel for». Formuleringa fannar friviljug avstått areal i samband med tiltaksjordskifte. Gjeldande jordskiftelov § 6 tredje ledd fannar òg

avtalar i samband med vernejordskifte. Når slike avtalar om innskrenkingar i råderetten blir inngått i samband med vernejordskifte, kan lovforslaget § 5-1 første punktum brukast som heimel for jordskifteretten til å halde skjønnet. Departementets forslag til § 5-1 første punktum er òg meint å fanne dei avtaleskjønna som jordskifteretten kan halde etter gjeldande jordskiftelov § 6 tredje ledd.

Gjeldande jordskiftelov § 6 fjerde ledd første punktum gjeld kompetansen til jordskifteretten til å halde avtaleskjønn i samband med sak etter første til tredje ledd. Føresegna handlar om friviljug avståing av grunn, bruksrett eller ved friviljug avgrensing av eigarrådvelde for eigedom som heilt eller dels skal nyttast til erstatning og som ligg utanfor jordskiftetfeltet når dette skjer i samband med jordskifte. Departementet foreslår at regelen i gjeldande jordskiftelov § 6 fjerde ledd første punktum skal først vidare. I desse tilfella handlar det òg om avståing eller innskrenkingar i råderetten i samband med tiltaksjordskifte eller vernejordskifte. Heimelen til å halde desse skjønna er da lovforslaget § 5-1 første punktum.

Kompetansen til jordskifteretten til å halde skjønn etter gjeldande jordskiftelov § 6 tredje og fjerde ledd første punktum, er avgrensa til dei tilfella der det ligg føre avtale om skjønn for jordskifterett. Departementet meiner denne avgrensinga av kompetansen ikkje bør først vidare i den nye jordskiftelova. Jordskifteretten har dei kvalifikasjonane som skal til for å halde slike skjønn. Det blir eit enklare regelverk om jordskifteretten får eksklusiv kompetanse. Kompetansen til jordskifteretten følgjer av lovforslaget § 5-1 og omgrepet «held». Departementet viser elles til drøftinga av parallell kompetanse i kapittel 11.3. Som ein følgje av dette foreslår departementet ikkje å føre vidare kravet om at det må liggje føre avtale om skjønn for jordskifterett.

*Skjønn ved ekspropriasjon og regulering av eigarrådvelde i vassdrag*

Fleire høyringsinstansar meiner at det er unødvendig å seie i lova at jordskifteretten ikkje kan halde skjønn i vassdrag. Det som etter deira meining må seiast er at jordskifteretten kan halde skjønn, ikkje at han ikkje kan halde skjønn. Departementet meiner at ein som hovudregel ikkje treng si at jordskifteretten manglar kompetanse til å halde skjønn. Departementet meiner likevel det er nødvendig å seie dette når det gjeld kompetansen til jordskifteretten til å halde skjønn ved tiltaksjordskifte og vernejordskifte i vassdrag. Ordlyden i lovforslaget § 5-1 første punktum fannar òg

skjønn i vassdrag. Departementet meiner det da bør seiast klart i lova at skjønn i vassdrag ikkje skal vere ein del av kompetansen til jordskifteretten. Skjønn i vassdrag kan reise særlege problem. Det bør gjerast ei nærare utreiing om dette før ein gir jordskifteretten kompetanse til å halde slike skjønn, sjå Ot.prp. nr. 57 (1997–1998) Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) side 37. Departementet meiner såleis på grunn av det generelle utgangspunktet til føresegna i første punktum, at det framleis er behov for å seie at jordskifteretten ikkje har kompetanse til å halde skjønn i samband med tiltaks- og vernejordskifte i vassdrag. Departementet foreslår å føre vidare gjeldande jordskiftelov § 6 sjette ledd i lovforslaget § 5-1 andre punktum.

*Skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett skilde ut som eiga sak*

I nokre tilfelle kan det vere uhensiktsmessig å halde skjønn og ta dei avgjerdene som er heimla i lovforslaget §§ 5-1 til 5-3 som del av jordskiftesaka. Departementet foreslår derfor i lovforslaget § 5-6 at jordskifteretten skal kunne bestemme at saker etter lovforslaget §§ 5-1 til 5-3 skal behandlast som eiga sak. Ein av konsekvensane er da at saka skal behandlast etter reglane i skjønnsprosesslova. Jordskifteretten må da orientere partane om kva for konsekvensar det får.

*Avtaleskjønn som eiga sak*

I andre tilfelle enn dei som er nemnde i gjeldande jordskiftelov § 6 første til fjerde ledd første punktum, kan jordskifteretten halde avtaleskjønn som eiga sak, sjå § 6 fjerde ledd andre punktum. Denne kompetansen meiner departementet at jordskifteretten framleis skal ha. Departementets forslag inneber at partane framleis skal kunne velje mellom tingrett og jordskifterett. I dei tilfella partane kan avtale at jordskifteretten skal halde skjønn, deler jordskifteretten framleis sin formelle kompetanse med tingretten.

Når det gjeld kompetansen til jordskifteretten til å halde avtaleskjønn utan samband med jordskifte, meiner departementet at kompetansen til jordskifteretten bør stå i ein eigen paragraf, sjå punkt 11.2.3.5 og lovforslaget § 5-5.

## 11.5.2 Skjønn og andre avgjerder etter reindriftslova

### 11.5.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår ikkje å føre vidare ordninga med ein eigen skjønnsheimel i jordskiftelova for skjønn etter reindriftslova. Arbeidsgruppa foreslår eit skilje mellom materielle reglar og reglar om saksbehandling. Dei materielle reglane skal gå fram av reindriftslova, medan reglane om saksbehandling skulle gå fram av høyringsforslaget § 5-5. Arbeidsgruppa foreslår å endre reindriftslova §§ 21 andre ledd andre punktum, 63 tredje ledd første punktum, 69 og 70, slik at omgrepet skjønn ikkje brukast om avgjerdene til jordskifteretten knytt til desse paragrafane. Arbeidsgruppa foreslår å bruke omgrepet avgjerd, treff avgjerd eller liknande utan å bruke omgrepet skjønn for å karakterisere vurderings-tema. Arbeidsgruppa meiner kompetansen til å avgjere spørsmåla etter reindriftslova § 70 bør ligge til jordskifteretten aleine. Arbeidsgruppa foreslår å spalte opp paragrafen, slik at § 70 berre skal handle om kompetansen til jordskifteretten til å avgjere spørsmål om erstatning for skade valda av rein. Arbeidsgruppa foreslår ein ny § 70 a der ein seier kva for reglar om saksbehandling saker etter § 70 skal følgje. Arbeidsgruppa foreslår i § 70 b særlege reglar for behandlinga av saker etter høyringsforslaget § 70.

### 11.5.2.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* noterer seg at arbeidsgruppa ikkje meiner det er nødvendig å ha ein eigen heimel i jordskiftelova for skjønn etter reindriftslova. Justisdepartementet ber Landbruks- og matdepartementet likevel vurdere om høyringsforslaget ut over dette sikrar at gjeldande heimlar for å halde skjønn og treffe avgjerder etter reindriftslova som del av jordskifte blir ført vidare.

Justisdepartementet uttaler òg at

«Utkastet til ny § 70 a, jf. utkastet til ny jordskiftelov § 5-5 innebærer etter det vi kan se en realitetsendring som ikke er tilstrekkelig kommentert eller drøftet. Etter gjeldende jordskiftelov § 6 a gjelder samme saksbehandlingsregler enten skjønn etter reindriftsloven avholdes som egen sak eller i forbindelse med jordskifte – saksbehandlingen skal følge reglene i jordskifteloven supplert med skjønnsloven § 26. Etter utkastet til ny § 70 a, jf. utkastet til ny jordskiftelov § 5-5, bestemmes saksbehandlingsreglene av om skjønnet holdes sammen med

jordskifte eller som egen sak, jf. henvisningen til utkastet til ny jordskiftelov § 5-5. Endringen bør nevnes og drøftes. Vi foreslår for øvrig at utkastet til ny § 70 b innarbeides i gjeldende § 70 slik at man fortsatt har en samlebestemmelse som inneholder både kompetanseregler og saksbehandlingsregler for disse sakene.»

*Norske Reindriftsamers Landsforbund (NRL)* er positive til oppsplittinga av § 70 i tre paragrafar. Dei meiner at ei slik oppdeling står fram som meir lesarvenleg.

NRL uttaler òg:

«Som nevnt er det i reindriftsloven § 70 foreslått å fjerne begrepet skjønn, men samtidig skal avgjørelsen behandles etter reglene for skjønn. Begrepet skjønn foreslås også fjernet fra følgende bestemmelser i reindriftsloven: § 21 (Rett til husvær, buer og lignende), § 63 (Utnytting av eiendom i reinbeiteområde og § 69 (Gjerdeskjønn). For disse endringene fremstår det som uklart om reglene for skjønn fortsatt skal gjelde. Hvis jordskifterettens kompetanse i disse sakene til tross for endringene går etter reglene for skjønn, skal skjønnsmenn være med på avgjørelsen. NRL forstår det slik at skjønnsmenn i så fall skal velges fra det utvalg av skjønnsmenn som er omhandlet i skjønnsprosessloven av 1. juni 1917 nr. 1, se lovutkastet § 2-9 annet ledd (s. 222). Etter skjønnsprosessloven § 14 skal utvalget av skjønnsmenn ha kyndighet i ett eller flere områder som behandles i skjønn. NRL vil understreke viktigheten av at skjønnsmenn i saker etter reindriftsloven har kyndighet i reindrift. Hvis de foreslåtte endringene i § 21, § 63 og § 69 innebærer at sakene her ikke går etter jordskifterettens regler for skjønn, er hovedregelen at en sak går med en jordskiftedommer, lovutkastet § 2-8 første setning (s. 222). Men det skal oppnevnes to meddommere hvis partene krever det, se § 2-8 annen setning. NRL finner det betryggende at det kan oppnevnes meddommere for å sikre at jordskifteretten har reindriftsfaglig kompetanse. Men det forutsetter at utvalget av meddommere som nevnt i lovutkastet § 2-7, har denne kompetanse. NRL vil fremheve at slik kompetanse er viktig.»

### 11.5.2.3 Departementets vurderingar

Jordskifteretten kan etter gjeldande jordskiftelov § 6 a første ledd i særskild sak eller i samband

med jordskifte halde skjønn etter reindriftslova. Skjønn etter reindriftslova kan gjelde rett til husvære, buer, flyttleiar, gjerde og andre anlegg, brensel og trevirke i det samiske reinbeiteområdet, utnytting av eigedom i reinbeiteområde, gjerdeskjønn og erstatningsskjønn for skade valde av rein. Jordskifteretten kan òg behandle saker etter reindriftslova 59 fjerde ledd. Omgrepet skjønn blir ikkje brukt om desse sakene. Jordskifteretten kan etter § 59 fjerde ledd andre punktum setje til sides regler om beitebruk som slår urimeleg ut ovafor den enkelte, eller som er i strid med rettar erverva ved særskilt rettsgrunnlag.

Jordskifteretten kan etter gjeldande jordskiftelov § 6 a første punktum halde alle skjønn etter reindriftslova, og § 6 a andre ledd ta avgjerd etter reindriftslova § 59 fjerde ledd som eiga sak, eller i samband med jordskifte. Departementets lovforslag fører vidare at jordskifteretten skal ha slik kompetanse, men det er berre når det gjeld avgjerd etter reindriftslova § 70 om skade valde av rein, at lova brukar omgrepet skjønn. Sjå omtala nedanfor når det gjeld bruken av omgrepet ved avgjerder etter reindriftslova.

Lovforslaget inneber at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse til å ta avgjerd etter reindriftslova. Det skal gjelde anten avgjerda takast i samband med sak for jordskifterett, eller som eiga sak. Jordskifteretten skal likevel ikkje ha eksklusiv kompetanse når det handlar om erstatningsskjønn etter reindriftslova § 70 som gjeld skade valde av rein, sjå punkt 11.3.4.3. Her skal rekvirenten framleis kunne velje mellom tingrett og jordskifterett.

Kompetansen til jordskifteretten til å halde skjønn og ta andre avgjerder etter reindriftslova i samband med sak for jordskifterett går fram av lovforslaget § 5-3 bokstav g, og lovforslaget § 5-4 dersom det aktuelle kravet blir behandla som eiga sak. Kompetansen til jordskifteretten vil òg gå fram av reindriftslova. Det er i reindriftslova ein nærare kan sjå kva for kompetanse jordskifteretten har. Departementets forslag om å la kompetansen gå fram av jordskiftelova og reindriftslova, er grunna i behovet som brukarane har for å finne fram til reglane om kompetanse. For dei som brukar reindriftslova, er det ein fordel om reindriftslova fortel kva for domstol det er som skal avgjere dei aktuelle spørsmåla. Departementet kan ikkje sjå at det vil kunne oppstå forvirring om rekkevidda av kompetansen til jordskifteretten. Det vil etter forslaget aleine gå fram av reindriftslova kva skjønn og andre avgjerder jordskifteretten kan halde eller ta etter reindriftslova.

Behandlinga av saker etter reindriftslova går fram av lovforslaget § 5-7 og forslaget til ny § 70 b i reindriftslova.

#### *Bruken av omgrep ved avgjerder etter reindriftslova*

Omgrepet skjønn er brukt fleire stader i reindriftslova. Departementet foreslår å endre omgrepsbruken for disse avgjerdene.

Når det gjeld den avgjerda som blir treft etter reindriftslova § 21 andre ledd andre punktum, er departementet samd med Justisdepartementet i at ho ikkje trengst å bli kalla skjønn, sjå kapittel 11.1.2. Departementet viser her til at det jordskifteretten skal avgjere, er om ein reindriftsutøvar skal få utvist tomt til bustad. Det er ikkje nødvendig å bruke omgrepet «ved skjønn ved jordskifteretten» for å få fram at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse til å avgjere spørsmåla som kan løysast med heimel i reindriftslova § 21. Jordskifteretten skal framleis ha kompetanse til å halde skjønn etter reindriftslova § 21 i samband med sak for jordskifte og som eiga sak. Korleis saka skal behandlast går fram av lovforslaget § 5-7 og reindriftslova ny § 70 b. Departementet meiner ein ved å ta bort omgrepet «ved skjønn ved jordskifteretten» klarare får fram poenget. Poenget er at jordskifteretten avgjer spørsmålet etter ei vurdering ut frå vilkåra i den aktuelle føresegna. Det same gjeld avgjerder etter reindriftslova § 63 tredje ledd første punktum. Det jordskifteretten skal avgjere etter reindriftslova § 63, er om eit tiltak i reinbeiteområde kjem i strid med reglane for korleis eigedom i reinbeite kan utnyttast. Til sist er departementet samd med Justisdepartementet i at ein ikkje bør kalla avgjerda etter reindriftslova § 69 for skjønn, sjå kapittel 11.1.2. Det jordskifteretten skal avgjere, er mellom anna om ein reineigar skal få rett til å oppføre gjerde til støtte for driveplikta han har, og sikring mot erstatningsansvar. Departementet kan ikkje sjå at det er nødvendig å bruke omgrepet skjønn i nokre av desse tilfella for å få fram at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse, kva jordskifteretten skal gjere og etter kva reglar saka skal behandlast etter.

Departementet foreslår å ta ut omgrepet skjønn i disse paragrafane, slik at paragrafane berre seier at jordskifteretten avgjer spørsmålet utan å gi noen karakteristikk av sjølve vurderinga. Slik er reglane allereie utforma i reindriftslova § 59 om beitebruk. I fjerde ledd tredje punktum står det berre at jordskifteretten kan setje til sides

reglar om beitebruk som slår uheldig ut for den einskilde, eller er i strid med rettar erverva ved særskilt rettsgrunnlag. Reindriftslova § 21 gjeld rett til husvære, buer og anna. I andre ledd står det at jordskifteretten avgjer ved skjønn spørsmål om retten til å krevje utvising av tomt er til stades, eller om stadval, storleik og avgrensing dersom partane ikkje blir samde. Departementet foreslår å ta bort omgrepet skjønn slik at det heretter berre står at jordskifteretten avgjer spørsmålet. Reindriftslova § 63 gjeld utnytting av eigedom i reinbeiteområde. I tredje ledd står det at «Spørsmål om tiltak kommer i strid med første ledd, kan avgjeres på forhånd ved skjønn ved jordskifteretten. Skjønnet kan også ...». Departementet foreslår å ta bort omgrepet skjønn.

Reindriftslova § 69 har overskrifta «Gjerde-skjønn». Etter departementets syn gir dette ein noko uheldig assosiasjon til reglane i grannegjerdelova. Departementet meiner overskrifta bør endrast. Departementet foreslår følgjande overskrift: «Gjerder til støtte for reineierens driveplikt og sikring mot erstatningsansvar.»

Etter reindriftslova § 69 første ledd første punktum kan så vel distriktsstyre som den enkelte reineigar i eit reinbeitedistrikt i mangel av minnelig avtale få avgjort «ved skjønn» ved jordskifteretten om reineigaren skal ha høve til å føre opp gjerde til støtte for sin driveplikt og sikring mot erstatningsansvar. Departementet foreslår å ta ut omgrepet «ved skjønn» slik at det ikkje står meir enn at ein kan få avgjort spørsmålet ved jordskifteretten. Departementet foreslår å gjere ei liknande endring i reindriftslova § 69 andre ledd.

Departementet foreslår òg andre formuleringar i reindriftslova §§ 22, 24 og 25. Sjølv om § 22 gjeld erstatning for skade, § 24 vederlag for utføring av anlegg, § 25 fastsetjing av vederlag for trevikre og avgjerda såleis går ut på å fastsetje storleiken på eit pengebeløp, meiner departementet det ikkje er nødvendig å bruke omgrepet skjønn for å få fram at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse, kva vurderingstemaet er og etter kva for reglar saka skal behandlast etter. Departementet er likevel samd med Justisdepartementet i at omgrepet skjønn ikkje bør gå ut av reindriftslova § 70 (skade valde av rein), sjå kapittel 11.1.2. Dette skjønntemaet handlar om fastsetjing av pengevederlag der tingretten framleis skal ha kompetanse til å avgjere erstatningsspørsmålet på lik line med jordskifteretten. Det kan såleis vere ein fordel om ein brukar omgrepet skjønn her.

### 11.5.3 Vegskjønn

#### 11.5.3.1 Høyringsforslaget

Forslaget til arbeidsgruppa går fram av høyringsforslaget § 5-3. Arbeidsgruppa meiner kompetansen til å leggje ut vegar med vidare, sjå jordskiftelova § 43 første ledd, ikkje bør stå i same paragraf som kompetansen jordskifteretten har til å halde vegskjønn, sjå gjeldande jordskiftelov § 43 andre ledd. Reglane i gjeldande jordskiftelov § 43 første ledd foreslår arbeidsgruppa å føre vidare i høyringsforslaget § 3-13 første ledd, men reglane er formulert meir generelt enn gjeldande reglar. Arbeidsgruppa meiner det bør gjerast klart i ny jordskiftelov at jordskifteretten ved utlegging av vegar ikkje har materiell kompetanse til å halde andre skjønn enn dei som følgjer av kapittel VII i veglova. Forslaget til arbeidsgruppa går fram av høyringsforslaget § 5-3. For skjønn etter veglova kapittel VII meiner arbeidsgruppa regelen bør vere at jordskifteretten skal ha desse skjønna aleine.

Arbeidsgruppa meiner kompetansen til jordskifteretten til å halde skjønn etter veglova kapittel VII bør plasserast i ein paragraf, og det er høyringsforslaget § 5-3. Den foreslår å ta bort kravet om at skjønnet skal vere nødvendig av omsyn til jordskiftet. Det skal vere nok at skjønnet haldast i samband med jordskifte. Arbeidsgruppa foreslår å oppheve den stadlege kompetanseavgrensinga til jordskifteretten.

#### 11.5.3.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen (DA)* oppfattar høyringsforslaget slik at høvet til å halde skjønn for eigedommar utanfor jordskiftetfeltet er falt ut. DA meiner ein må innarbeide ein slik heimel, og det er naturleg at ein gjer det i skjønnskapitlet. Det bør òg vurderast å nytte formuleringa «sak for jordskifteretten» i staden for «jordskifte».

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* held fram at jordskifteretten har god fagleg kompetanse til å halde skjønn i samband med ekspropriasjon til utbygging og utviding av offentlege vegar. Dei uttaler at

«For en del jordskifteretter er samferdselsjordskifter med skjønn blitt en vanlig sakstype. Utgangspunktet i slike saker er at jordskifteretten ved hjelp av jordskiftelovens virkemidler, skal erstatte tapt areal med erstatningsjord og fjerne eller redusere driftsulemper. Ved skjønn fastsetter jordskifteretten pengeerstatninger for restareal og alle slags restulemper. Jordskif-

teretten fastsetter erstatningar for alle eiendommer innenfor jordskifteområdet, også boliger og næringseiendommer. Jordskifteretten har i dag ikke lovhjemmel til å holde skjønn i forbindelse med ekspropriasjon til offentlige veier når det ikke samtidig er jordskifte. Jordskifteretter har fått slike forespørsler frå ekspropriantar, og svaret har da måttet bli at det i tilfelle må gjennomføres som avtaleskjønn. Veglovens § 50 i kapittel VI viser til «vederlag etter skjønn til den det råkar» og veglovens § 60 fastsetter at «skjønn etter denne lova skal haldast som rettsleg skjønn etter skjønnslova». Jordskifteretten kan holde skjønn etter veglovens kapittel VII, ikke etter kapittel VI. Arbeidsgruppa har kommet med framlegg om endring av vegloven når det gjelder skjønn etter kapittel VII. Vi mener det er kritikkverdig og svært lite framtidsrettet at arbeidsgruppa ikke har foreslått at jordskifteretten også skal kunne holde skjønn etter kapittel VI.»

Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme uttaler òg at

- «Muligheten til å holde vegskjønn også for eiendommer utenfor jordskiftetfeltet er ikke med i ny lov. En slik hjemmel må vi ha. Det vises til nåværende jordskiftelov § 43, 2. ledd «endå om»
- Vi har registrert at uttrykket «av omsyn til jordskiftet» er blitt endret til «i samband med jordskiftet». Dette er en utvidelse av jordskifterettens kompetanse til å holde skjønn i forbindelse med en jordskiftesak. Dette er vi enige i.
- Vi mener ordet jordskifte bør endres til sak for jordskifteretten.
- Det bør presiseres at det bare er jordskifteretten som kan holde skjønn i samband med sak for jordskifteretten.
- Vi er enige i at vi skal holde begge slags skjønn også som egen sak.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* er svært skeptiske til å fjerne kravet om at det skal vere nødvendig i gjeldande jordskiftelov § 43. Dei uttaler at

«For fremming av veg- og taugbaneskjønn i samband med jordskiftesaker, legger bestemmelsen opp til at det ikkje lenger skal stilles vilkår om nødvendighet i forhold til det selve jordskiftesaken gjelder. Denne endringa er vi svært skeptiske til. Endringen vil gjøre det vanskelig

å tilskjære sakene. I verste fall må jordskifteretten legge ned betydelige ressurser til behandling av skjønn som ikke har noe med selve kravet å gjøre. Av prosessøkonomiske grunner er det betenkelig at dagens begrensning fjernes. Etter vår oppfatning er det viktig å avgrense en jordskiftesak til det saken gjelder. Dersom det er behov for vegskjønn i same område, utan at dette er av betydning for jordskiftesaken, mener vi skjønnet kreves som egen sak.»

*Jordskiftedommarane i Agder jordskiftedømme* uttaler at dei tradisjonelle jordskifta etter høyringsforslaget §§ 3-6 og 3-7 ikkje er så framtrekande lenger. Dei foreslår derfor at avgrensinga «utenfor skiftetfeltet» ikkje blir ført vidare for nokon av dei tre skjønnsstypene som går fram av høyringsforslaget §§ 5-3 og 5-4.

### 11.5.3.3 Departementets vurderingar

Gjeldande jordskiftelov § 43 andre ledd og veglova § 60 gir jordskifteretten kompetanse til å halde skjønn etter veglova kapittel VII (private vegskjønn).

Gjeldande jordskiftelov § 43 andre ledd seier at jordskifteretten kan «halde skjønn etter vegloven 21 juni 1963 nr. 23». Føresegna viser såleis generelt til skjønn etter veglova. Til tross for den generelle ordlyden, har det i praksis ikkje vore tvil om at gjeldande jordskiftelov § 43 andre ledd berre gjeld private vegar. Departementet meiner ein bør gjere dette tydeleg ved å seie det uttrykkelig i den nye jordskiftelova. Heimelen til å ta avgjerd etter kapittel VII i veglova, vil etter lovforslaget gå fram av § 5-3 bokstav d. Heimelen til jordskifteretten til å ta slike avgjerder i eiga sak, går fram av lovforslaget § 5-4.

Veglova kapittel VII gjeld private vegar. Etter veglova § 53 første ledd første punktum kan det gjerast vedtak om eigedomsinngrep til mellom anna bygging, utbetring, vedlikehald og drift av privat veg «i skjønn» mot vederlag til den det råkar. Jordskifteretten tek avgjerda om ekspropriasjon når den har skjønnskompetansen. Når formuleringa «i skjønn» er brukt tyder det på at ein vil ha fram kva rett og reglar om saksbehandling ein skal følge i desse sakene. Departementet foreslår å ta ut formuleringa «i skjønn». Departementet foreslår å endre veglova § 53 første ledd første punktum, slik at det går eksplisitt fram av føresegna, at jordskifteretten skal ta den aktuelle avgjerda. Det kan ein gjere utan å bruke omgrepet skjønn.

Eigedomsinngrep etter § 53 første ledd kan berre skje når det må reknast for klart at inngrepet vil vere til meir gagn enn skade, sjå veglova § 53 første ledd første punktum. På same måte og vilkår kan «skjønnet» òg gi rett til å bruke veg som allereie ligg der, sjå veglova § 53 første ledd andre punktum. Forslaget til endring i § 53 første ledd første punktum, inneber at ein òg bør gjere ei endring i første ledd andre punktum for å få fram at det er jordskifteretten som tek avgjerda. Departementet foreslår å bytte ut omgrepet «skjønnet» med «jordskifteretten». Kvar av partane kan elles krevje avgjort av jordskifteretten om vegretten alt er til, at han vert nærare fastlagt, eller få bruken flytt, sjå veglova § 53 første ledd tredje punktum.

Slikt eigedomsinngrep kan òg gjelde grunn og rettar til fordel for ein som lyt tåle eigedomsinngrep etter første ledd eller for tredjemann, så fram skaden og ulempene da i alt blir monaleg mindre, sjå veglova § 53 andre ledd.

I veglova § 53 tredje ledd står mellom anna at «Skjønnet tar avgjerd ...» og «Skjønnet kan fastsetje ...», sjå tredje ledd første og andre punktum. Departementet foreslår å bytte ut desse to formuleringane med «jordskifteretten». Når omgrepet «jordskifteretten» er brukt, viser det at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse til å avgjere spørsmåla. Veglova § 53 tredje ledd tredje punktum brukar formuleringa «Skjønn til fastsetting av slikt vederlag kan ...» Som ei følge av dei andre endringane foreslår departementet å endre dette til «Sak for jordskifterett til fastsetting av slikt vederlag kan ...».

Fjerde ledd i veglova § 53 bør endrast som ei følge av endringane i veglova § 53 første og tredje ledd. Partane kan, dersom nærare gitte vilkår er oppfylde, krevje «nytt skjønn» om vederlaget med vidare, sjå veglova § 53 fjerde ledd første punktum. Etter fjerde ledd andre punktum, kan eigar eller brukar av den tenande eigedommen krevje at det skal haldast «nytt skjønn» om inngrepet i det heile skal stå ved lag. Departementet foreslår å endre første og andre punktum slik at formuleringa «nytt skjønn» ikkje brukast. Departementet foreslår ei endring slik at det går fram av fjerde ledd at det er jordskifteretten som skal avgjere spørsmåla veglova § 53 fjerde ledd omhandlar.

Blir brukarane av privat veg ikkje samde om korleis plikta til vedlikehald eller utbetring skal fordelast, kan kvar av dei etter veglova § 54 tredje ledd krevje at desse spørsmåla skal avgjerast «ved skjønn». Bruken av omgrepet skjønn gir lesaren eit inntrykk av at saka skal behandlast av ein skjønnsrett og at det er reglane om saksbehandling i skjønnsprosesslova som skal følgjast. Depar-

temetet meiner ein ved å bruke omgrepet skjønn på denne måten lett kan få lesaren til å tru at alle private vegskjønn skal følgje reglane i skjønnsprosesslova. Avgjerder etter kapittel VII i veglova kan takast av jordskifteretten. Departementets lovforslag inneber òg at dei aktuelle avgjerdene for saker i samband med sak for jordskifterett, skal følgje reglane i lovforlaget § 5-7. Det er berre skjønn og andre avgjerder i eiga sak etter lovforlaget §§ 5-4 til 5-6 som fullt ut skal følgje reglane i skjønnsprosesslova. Departementet foreslår ei endring i veglova § 54 tredje ledd for å få fram det sentrale etter lovendringa. Det er at det er jordskifteretten som eksklusivt skal avgjere spørsmåla. Departementet foreslår at det skal seiast at «spørsmåla skal avgjerast av jordskifteretten». Det skal, ikkje seiast «ved skjønn» som etter gjeldande reglar.

Er avgjerd etter veglova § 54 tredje ledd og avgjerd etter veglova § 53 tredje ledd teken etter reglar i veglova § 55, må «skjønn» vere kravd innan ein nærare fastsett frist, sjå veglova § 54 fjerde ledd. Ein konsekvens av forslaget til endringar i paragrafen elles, er at formuleringa «må skjønn vere kravd» må erstattast av » må krav om avgjerd bli sett fram».

Når fem år er gått sidan bindande avgjerd er teken etter reglane i veglova § 55, eller sidan siste skjønn, kan dei interesserte eller veglaget krevje ny avgjerd eller nytt skjønn, sjå veglova § 54 femte ledd. Departementet foreslår å erstatte omgrepet skjønn i tredje og fjerde ledd med avgjerd. Det inneber at det òg er behov for å endre omgrepsbruken i femte ledd. Departementet foreslår ein ordlyd som seier at » Når fem år er gått sidan bindande avgjerd er tatt etter reglane i veglova § 55 eller av jordskifteretten, kan dei interesserte eller veglaget krevje ny avgjerd av veglaget eller av jordskifteretten».

Dei som har plikter etter veglova § 54 (vedlikehald), utgjær etter veglova § 55 første ledd eit veglag. Når det ikkje er grunn for anna, har einkvar i veglaget ei røyst. Dersom nokon i veglaget blir tillagt større plikt enn andre, skal røysteretten aukast tilsvarende, sjå veglova § 55 andre ledd andre punktum. I mangel av semje om slik fordeling, skal veglaget leggje si avgjerd i saka fram for «skjønnet» etter veglova § 54 tredje ledd, sjå veglova § 55 andre ledd tredje punktum. Omgrepet «skjønnet» blir brukt for å få fram at det er skjønnsretten som skal ta stilling til spørsmålet. Etter departementets forslag skal jordskifteretten eksklusivt ha kompetanse til å avgjere dei aktuelle spørsmåla. Departementet meiner ein da ikkje bør sei at saka skal leggjast fram for «skjønnet»,

men jordskifteretten. Veglaget har etter gjeldande reglar tilsynet med at pliktene stettast slik som fastsett «av veglaget, ved skjønn, jordskifte eller på anna vis». Departementet foreslår som ein konsekvens av dei andre endringane ordlyden «av veglaget, jordskifteretten eller på anna vis».

#### *Nærare om kompetansen jordskifteretten har til å ta avgjerder etter veglova kapittel VII*

Kompetansen jordskifteretten har til å halde skjønn etter gjeldande jordskiftelov § 43 andre ledd krev at det er reist ei jordskiftesak. Er det reist ei jordskiftesak, kan jordskifteretten halde skjønn etter veglova kapittel VII, anten eigedommen ligg i jordskiftetfeltet, eller om eigedommen ikkje kjem inn under jordskiftet. Skjønnet må likevel vere nødvendig av omsyn til jordskiftet. Domstoladministrasjonen peikar på at arbeidsgruppa i høyringsforslaget § 5-3 snevvar inn den formelle kompetansen som jordskifteretten har i høve til gjeldande reglar. Det same er jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme inne på. Det går ikkje fram av høyringsforslaget at jordskifteretten kan halde skjønn som nemnt i gjeldande jordskiftelov § 43 andre ledd òg for eigedommar som ikkje kjem inn under jordskiftet. Særmerknadene til høyringsforslaget § 5-3 viser likevel at det ikkje var meininga å foreslå ei innskrenking i kompetansen til jordskifteretten. Departementets lovforslag går ut på at jordskifteretten òg skal kunne ta avgjerder i dei tilfella gjeldande jordskiftelov § 43 andre ledd nemner, sjølv om eigedommen ikkje kjem inn under jordskifte. Departementet bruker omgrepet «i samband med sak for jordskifterett» for å få det fram, sjå lovforlaget § 5-3. Det følgjer dessutan av lovforlaget § 5-4 at jordskifteretten kan behandle kravet som eiga sak.

Det er eit vilkår i § 43 andre ledd at skjønnet er «nødvendig av omsyn til jordskiftet». Vilkåret viser at det etter gjeldande reglar er tale om skjønn i samband med jordskifte og ikkje skjønn som eiga sak. Departementet meiner det ikkje er nokon avgjerande grunn til å sei i lova at avgjerda er nødvendig av omsyn til jordskifte. Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme er svært skeptiske til å fjerne kravet om nødvendighet i gjeldande jordskiftelov § 43. Dei meiner høyringsforslaget vil gjere det vanskeleg å skjere til sakene. I verste fall må jordskifteretten leggje ned betydelege ressursar i behandling av spørsmål som ikkje har noko med sjølv kravet å gjere. Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme meiner endringa er «betenkelig» av prosessøkonomiske grunnar. Departementet er likevel samd

med jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme og vil endre omgrepsbruken for å få til ei ønskja utviding av kompetansen til jordskifteretten.

Departementet foreslår å erstatte «nødvendig av omsyn til jordskiftet» med «i samband med sak for jordskifterett». Dette er ei utviding av kompetansen til jordskifteretten til å ta avgjerder etter kapittel VII i samband med ei jordskiftesak. Departementet foreslår i lovforslaget § 5-6 reglar som gjer det mogleg for jordskifteretten å skilje ut sak etter veglova kapittel VII som eiga sak. Det gjer det mogleg å avgrense jordskiftesaka på ein høveleg måte, òg i saker etter veglova kapittel VII.

Veglova § 60 andre ledd går lengre enn gjeldande jordskiftelov § 43 andre ledd. Etter § 60 kan jordskifteretten òg halde skjønn som eiga sak dersom vilkåra i § 60 elles er oppfylte. Heimelen i veglova § 60 andre ledd skil seg òg frå gjeldande jordskiftelov § 43 andre ledd fordi det i veglova § 60 ikkje er noko krav om at det skal vere nødvendig av omsyn til jordskiftet.

Det er ingen stadleg avgrensing av heimelen i gjeldande jordskiftelov § 43 andre ledd slik det er i veglova § 60 andre ledd. Departementet meiner at det ikkje er grunnlag for å føre vidare den stadlege avgrensinga av kompetansen til jordskifteretten til å ta avgjerd etter veglova kapittel VII, sjå punkt 11.4.

Veglova § 60 viser òg til skjønnsheimlane i gjeldande jordskiftelov § 6 første til fjerde ledd første punktum, noko gjeldande jordskiftelov § 43 andre ledd ikkje gjer. Gjeldande jordskiftelov § 43 andre ledd krev ikkje at det dreier seg om vegskjønn (private vegar) i samband med tiltaks- eller vernejordskifte. Gjeldande jordskiftelov § 43 andre ledd er ein generell regel for saker som blir behandla etter jordskiftelova. Skjønn med heimel i veglova § 60 andre ledd, må haldast som eiga sak, eller saman med tiltaks- eller vernejordskifte.

Gjeldande jordskiftelov § 43 andre ledd tek berre sikte på dei tilfella der det er aktuelt å ta avgjerd etter veglova kapittel VII fordi jordskifteretten må leggje ut vegar og gi skriftlege forklaringsar om kvar dei går med vidare. Veglova § 60 andre ledd tek på si side sikte på dei tilfella rekvirenten ønskjer at jordskifteretten i samband med sak etter gjeldande jordskiftelov § 6 første til fjerde ledd første punktum, eller som eiga sak, skal ta avgjerder etter veglova kapittel VII.

Departementet meiner reglane om kompetansen til jordskifteretten til å ta avgjerder etter veglova kapittel VII er vanskeleg å forstå. Grunnen er for det første at kompetansen til jordskifteretten

er heimla i to ulike lover (gjeldande jordskiftelov § 43 andre ledd og veglova § 60). For det andre er det tre ulike aktørar med parallell kompetanse til å halde skjønn etter veglova kapittel VII (tingretten, lensmannsskjønn og jordskifteretten).

Det følgjer av veglova § 60 første ledd at skjønn etter veglova er rettsleg skjønn. Veglova § 60 første ledd andre punktum må ein forstå slik at skjønna går for tingretten, men at dei kan haldast som lensmannsskjønn dersom partane er samde om det. Utgangspunktet er i dei tilfella at partane kan velje mellom tingrett eller eit skjønn styrt av for eksempel lensmann.

Frå dette utgangspunktet gjer veglova § 60 andre ledd unntak. Innafor eit stadleg avgrensa område, held jordskifteretten skjønnet dersom rekvirenten set fram krav om skjønn for jordskifteretten i samband med sak etter gjeldande jordskiftelov § 6 første til fjerde ledd første punktum, eller dersom rekvirenten set fram krav om skjønn for jordskifteretten som eiga sak.

Departementet foreslår å ta bort den stadlege avgrensinga av kompetansen til jordskifteretten, sjå kapittel 11.4. Spørsmålet blir da om ein likevel skal behalde kravet om at rekvirenten må ha kravd avgjerd av jordskifteretten. For avgjerder etter veglova kapittel VII, meiner departementet at regelen bør vere at jordskifteretten skal ta desse avgjerdene, anten spørsmålet blir behandla i samband med sak for jordskifterett, eller som eiga sak. Jordskifteretten har den kunnskapen som skal til. Departementet meiner det vil forenkle regelverket på dette området, og ein kan ikkje sjå at det vil gå utover rettstryggleiken til partane. Departementet har drøfta spørsmålet om parallell kompetanse i kapittel 11.3. Departementet meiner omsynet til forenkling av regelverket og omsynet til å få best mogleg kunnskap og erfaring om avgjerdstema i kapittel VII inn i skjønnsretten, gir grunnlag for å endre reglane slik at jordskifteretten får eksklusiv kompetanse til å ta avgjerder etter kapittel VII i veglova.

Departementet foreslår etter dette å føre vidare kompetansen jordskifteretten har til å ta avgjerder etter veglova kapittel VII. Departementets lovforslag § 5-3 bokstav d gir jordskifteretten kompetanse til å ta avgjerder etter veglova kapittel VII i samband med sak for jordskifterett. Lovforslaget § 5-4 gir jordskifteretten kompetanse til å ta avgjerder etter veglova kapittel VII som eiga sak. Lovforslaget § 5-7 og veglova § 60 andre ledd andre punktum seier korleis sakene skal behandlast med vidare.



*Bør jordskifteretten få kompetanse til å halde skjønn etter veglova kapittel VI*

Jordskifteretten har i dag ikkje lovheimel til å halde skjønn i samband med ekspropriasjon til offentlege vegar når det ikkje samtidig er jordskifte. Departementet har merka seg at nokre jordskifterettar har fått slike spørsmål frå ekspropriantar, og at svaret da har måtte bli at det i tilfelle må gjennomførast som avtaleskjønn.

Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme ønskjer å utvide kompetansen til jordskifteretten til òg å gjelde vegskjønn etter kapittel VI. Kapittel VI i veglova gjeld eigedomsinngrep med meir.

Departementet meiner at jordskifteretten har tilstrekkeleg kunnskap til å ta dei avgjerdene ein finn i veglova kapittel VI. Departementet legg til grunn at tiltaksjordskifte (samferdselsjordskifte) med skjønn er blitt ein vanleg sakstype for ein del jordskifterettar. Utgangspunktet i slike saker er at jordskifteretten ved hjelp av verkemidla i jordskiftelova skal erstatte tapt areal med erstatningsjord og fjerne eller redusere driftsulemper. Ved skjønn fastset jordskifteretten pengeerstatningar for restareal og alle slags restulemper. Jordskifteretten fastsett erstatningar for alle eigedommar innanfor jordskifteområdet, òg bustader og næringseigedommar.

Departementet ser gode grunnar for at jordskifteretten òg skal kunne halde skjønn etter veglova kapittel VI. Forslag om å gi jordskifteretten kompetanse til å halde skjønn etter veglova kapittel VI har ikkje vore ute på høyring. Departementet går difor ikkje nærare inn på dette spørsmålet i denne lovproposisjonen.

#### **11.5.4 Skiping av taubanar og løypestrengar mv.**

##### *11.5.4.1 Høyringsforslaget*

Forslaga til arbeidsgruppa går fram av høyringsforslaget § 5-3. Gruppa foreslår å føre vidare kompetansen jordskifteretten har til å halde skjønn etter taubanelova § 8, sjå gjeldande jordskiftelov § 43 tredje ledd. Arbeidsgruppa vurderer om kompetansen jordskifteretten har i dag i gjeldande jordskiftelov § 43 andre og tredje ledd, bør gå fram av same paragraf som ekspropriasjonsskjønna. Arbeidsgruppa foreslår at reglane skal stå i kvar sin paragraf. Arbeidsgruppa foreslår ei endring med omsyn til realiteten. Arbeidsgruppa meiner det er nok å krevje at skjønnet skal haldast i samband med jordskifte. Det skal ikkje stillast

krav om at skjønnet skal vere nødvendig av omsyn til jordskiftet.

##### *11.5.4.2 Høyringsinstansane*

Det er få høyringsuttalar knytt til forslaget.

*Justisdepartementet* uttaler at

«Vi er usikker på hva som egentlig er forslaget når det gjelder jordskifterettens kompetanse til å avholde skjønn etter lov om anlegg av taugbaner og løypestrenger mv. (taubaneloven). På side 78 i høyringsnotatet foreslås det at jordskifteretten skal ha slik kompetanse når skjønnet skal holdes i forbindelse med jordskifte (men uten at skjønnet skal være nødvendig for jordskiftet). Det samme fremgår av kommentaren til merknaden. Etter ordlyden i utkastet § 5-3 kan jordskifteretten imidlertid også avholde skjønn som egen sak, også etter taubaneloven.»

*Gulating jordskifteoverrett* uttaler at

«I veglova er det gjort ei tilføyning om at det er jordskifteretten som «held» slike skjønn. Ein tilsvarende regel burde bli tatt inn i lov om taugbaner mv.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler:

- «Vi har registrert at uttrykket «av omsyn til jordskiftet» er blitt endret til «i samband med jordskiftet». Dette er en utvidelse av jordskifterettens kompetanse til å holde skjønn i forbindelse med en jordskiftesak. Dette er vi enige i.
- Vi mener ordet jordskifte bør endres til sak for jordskifteretten.
- Det bør presiseres at det bare er jordskifteretten som kan holde skjønn i samband med sak for jordskifteretten.
- Vi er enige i at vi skal holde begge slags skjønn også som egen sak.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* uttaler at

«For fremming av veg- og taugbaneskjønn i samband med jordskiftesaker, legger bestemmelsen opp til at det ikke lenger skal stilles vilkår om nødvendighet i forhold til det selve jordskiftesaken gjelder. Denne endringa er vi svært skeptiske til. Endringen vil gjøre det svært vanskelig å tilskjære sakene. I verste fall må jord-

skifteretten legge ned betydelige ressursar i behandling av skjønn som ikkje har noe med selve kravet å gjøre. Av prosessøkonomiske grunner er det betenklig at dagens begrensning fjernes. Etter vår oppfatning er det viktig å avgrense en jordskiftesak til det saken gjelder. Dersom det er behov for vegskjønn i same område, uten at dette er av betydning for jordskiftesaken, mener vi skjønnet kreves som egen sak.»

Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme foreslår òg at det blir teke inn i lov 14. juni 1912 nr. 1 om anlæg av taugbaner og løpestrenger mv. § 16 noko om kompetansen til jordskifteretten.

#### 11.5.4.3 Departementets vurderingar

Er det nødvendig av omsyn til jordskiftet kan jordskifteretten halde skjønn etter § 8 i lov 14. juni 1912 om anlæg av taugbaner og løpestrenger (taubanelova). Det følgjer av taubanelova § 8 at ein på nærare gitte vilkår i lova kan erverve rett til å leggje løpestreng over grunn annan mann har. I tilfelle det blir gitt løyve til slikt erverv, kan det òg givast rett til å disponere over nødvendig tomt til strengen, feste, avlastingsplass, og tilhøyrande veg. Vilkåret er at det ved skjønn blir godtgjort at løpestrengen for vedkomande er av vesentleg interesse, og fordelane ved anlegget er av overveigande tyding i høve til den skade eller ulempe som blir resultatet av anlegget.

Kompetansen jordskifteretten har er avgrensa til § 8 og jordskifteretten kan berre halde skjønn etter § 8 når det er nødvendig av omsyn til jordskifte, sjå gjeldande jordskiftelov § 43 tredje ledd. Dersom det er tilfelle, kan jordskifteretten halde slikt skjønn, sjølv om det gjeld eigedommar som ikkje kjem inn under jordskiftet.

Forutan § 8 er det skjønnsheimlar i taubanelova §§ 7, 10 andre og tredje ledd og 13 første ledd første punktum. Desse skjønna blir styrt som lensmannsskjønn, sjå taubanelova § 16.

Departementet ser, slik Justisdepartementet er inne på, at det kan knyte seg usikkerheit til kva som eigentlig er høyringsforslaget når det gjeld kompetansen jordskifteretten skal ha til å ta avgjerd etter taubanelova. Departementet går likevel ikkje nærare inn på kva arbeidsgruppa foreslår av endringar i taubanelova. Grunnen til dette er at det foregår eit arbeid med sikte på å vedta ny taubanelov.

Departementet kan ikkje sjå at det er nødvendig og hensiktsmessig å foreslå endringar i kompetansen jordskifteretten allereie har. Det er hel-

ler ikkje grunnlag for å foreslå å leggje ytterlegare kompetanse etter taubanelova til jordskifteretten.

Departementet foreslår å føre vidare den kompetansen jordskifteretten har etter gjeldande jordskiftelov § 43 tredje ledd, jf. taubanelova § 8, utan endringar.

Omgrepet skjønn blir brukt fleire stader i taubanelova § 8. Departementet meiner ein burde bruke andre formuleringar, men fordi det blir arbeidd med ny taubanelov, vil departementet ikkje foreslå endringar. Kompetansen jordskifteretten har til å ta avgjerd etter jordskiftelova § 8, går fram av lovforslaget § 5-3 bokstav a.

Kompetansen jordskifteretten har etter taubanelova § 8 gjeld avgjerder i samband med jordskifte. Jordskifteretten har ikkje kompetanse til å ta avgjerd etter § 8 som eiga sak. Departementet foreslår ikkje å utvide kompetansen. Lovforslaget § 5-4 har reglar om når jordskifteretten kan ta avgjerd etter særlov som eiga sak. Det må seiast i lovforslaget § 5-4 at kompetansen etter § 5-4 ikkje gjeld for saker etter § 5-3 bokstav a.

### 11.5.5 Tiltak som gjeld grøfter, kanalar, vass- og kloakkleidningar

#### 11.5.5.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår ein eigen paragraf om skjønn knytt til vasshushald, jf. høyringsforslaget § 5-4. Arbeidsgruppa finn at tilvisinga i jordskiftelova § 44 tredje ledd til lov 15. mars 1940 nr. 3 om vassdragene, må vere feil. Arbeidsgruppa meiner det rette måtte vere å vise til vassressurslova §§ 14 og 31 i staden for til vassdragslova av 1940. Arbeidsgruppa foreslår at jordskifteretten skal kunne halde skjønn etter vassressurslova §§ 14 og 31, dersom eit tiltak etter høyringsforslaget § 3-27 kan få verknad utanfor jordskifteområdet. Arbeidsgruppa foreslår at jordskifteretten skal halde dette skjønnet og forslaget til arbeidsgruppa til reglar om saksbehandling i høyringsforslaget § 5-5 skal leggjast til grunn.

#### 11.5.5.2 Høyringsinstansane

Det er få høyringsinstansar som uttaler seg til forslaga.

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* uttaler mellom anna at paragrafen gjer det mogleg å halde skjønn om grøfter og kanalar med vidare. Dette gjeld òg for eigedommar som ligg utanfor jordskifteområdet. Dei ser eit klart behov for denne føresegna, men meiner ho bør brukast med varsemnd. I ei enkel jordskiftesak mellom 3 til

4 eigedommar kan eit skjønn etter denne føresegna komme til å omfatte eit betydeleg tal eigedommar utanfor jordskifteområdet. Skjønnet vil difor føre til at kostnadene ved jordskiftesaka ikkje står i rimeleg høve til kva partane oppnår. I slike tilfelle er det etter deira meining betre at skjønnet blir krevd som eiga sak.

*Jordskiftedommarane i Agder jordskiftedømme* meiner høyringsforslaget § 5-4 *Skjønn ved tiltak som gjeld, grøfter, kanalar, vass- og kloakkleidningar* kan strykast. For å gjere det heilt klart at jordskifteretten kan behandle skjønn etter fleire særlover, både som del av en jordskiftesak, og som eiga sak, vil dei samle heimelen i ein paragraf, § 5-3. Dei vil òg ta med grannegjerdelova, beitelova og vannressurslova, for å få ei komplett opplisting av særlover som jordskifteretten kan halde skjønn etter, anten som del av jordskiftesak eller som eiga sak.

#### 11.5.5.3 Departementets vurderingar

Jordskifteretten skal etter gjeldande jordskiftelov § 44 første ledd syte for utstikking og gi reglar om opparbeiding og vedlikehald av ulike slag opne og lukka grøfter og kanalar. Jordskifteretten skal etter gjeldande jordskiftelov § 44 andre ledd gi nødvendige reglar om bruken av vatn og vassdrag og om vassleidningar og kloakkleidningar. Dette er reglar som har verknad for eigedommar innan skiftefeltet. Tredje ledd i gjeldande jordskiftelov § 44 gjeld eigedommar utanfor skiftefeltet. Dersom tiltak etter første og andre ledd, og tørrleggingstiltak etter gjeldande jordskiftelov § 2 bokstav e kan få verknad for eigedommar utanfor skiftefeltet, kan jordskifteretten etter gjeldande reglar halde skjønn etter lov 15. mars 1940 nr. 3 om vassdragene. Ingen høyringsinstans gir uttrykk for at det er feil eller at det blir skapt ein uklar heimel ved å vise til vassdragslova.

Departementet meiner likevel at tilvisinga i gjeldande jordskiftelov § 44 tredje ledd til lov 15. mars 1940 nr. 3 om vassdragene, skapar ein uklar heimel for jordskifteretten. til å halde skjønn i dag i samband med tiltak som er nemnde i gjeldande jordskiftelov § 44. Av Ot.prp. nr. 56 (1978–1979) Om lov om jordskifte o.a. er det mellom anna sagt på side 89:

«For eigedomar utanfor skiftefeltet har jordskifteretten fått heimel til å halde dei skjønna etter vassdragsloven som tiltak i feltet gjer nødvendig. Ved slike skjønn er jordskifteretten bunden av vilkåra i vassdragsloven, men saksbehandlinga i jordskifteretten, anke o.l. går

etter reglane i jordskifteloven, fordi det som skjer utanfor skiftefeltet vanskeleg kan isolerast frå det som blir gjort i skiftefeltet.»

Paragrafane 7 til 158 i vassdragslova blei oppheva ved lov nr. 82/2000 (vannressursloven). Berre ein paragraf i vassdragslova har no noko med skjønn å gjere. Det er § 5 nr. 2 i vassdragslova som seier at mellom eigedommar som ligg på kvar si side av elv, bekk eller innsjø, fastsetjast grensa ved skjønn.

Vassdragslova hadde tidlegare ei rekkje skjønnsheimlar. Vannressurslova legg opp til at få avgjerder skal treffast ved skjønn. Stort sett er skjønnsavgjerder erstatta med andre mindre resurskrevjande ordningar, sjå Ot.prp. nr. 39 (1998–1999) om lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) side 258.

Vannressurslova har skjønnsheimlar i §§ 14, 31, 35 nr. 9 og § 67 andre ledd.

Etter vannressurslova § 14, kan vassdragsmyndigheita med seks månaders varsel til grunneigaren gjenopne eit lukka vassdrag. Grunneigaren har i så fall rett til erstatning etter lov 6. april 1984 nr. 17 om vederlag ved oreigning av fast eigedom for tap som kjem av gjenopninga. Dersom ikkje anna er avtala, skal erstatninga bli krevd ved skjønn som blir fastsett av vassdragsmyndigheita, sjå § 14 tredje punktum.

Vannressurslova § 31 gjeld refusjon for utgifter til fellestiltak. Viss ikkje fellesutgifter blir fordelte etter avtale mellom deltakarane i tiltaket eller særskilte reglar, kan ein velje ein av fleire måtar å fordele dei på, sjå vannressurslova § 31 tredje ledd. Ein måte å fordele fellesutgiftene på, er å la jordskifteretten gjere det. Etter vannressurslova § 31 tredje ledd bokstav c kan ein deltakar krevje ei slik «fordelingssak» for jordskifteretten. Jordskifteretten kan òg behandle saka dersom vassdragsmyndigheita viser spørsmålet til jordskifteretten, sjå tredje ledd bokstav c. Det er eit vilkår for å få behandla «fordelingsspørsmålet» i jordskifteretten at vassdragstiltaket har samanhang med andre tiltak som står under jordskifte.

Vannressurslova § 35 nr. 9 gjeld verna vassdrag. Etter føresegna kan vassdragsmyndigheita treffe vedtak om å reetablere vegetasjon som er naturleg på staden i ein sone langs bredda som fastsetjast i bindande plan etter plan- og bygningslova. For tap som følgje av vedtaket betalast det erstatning etter reglane i lov 6. april 1984 nr. 17 om vederlag ved ekspropriasjon av fast eigedom. Med mindre anna er avtala, blir erstatninga fastsett ved skjønn som blir krevd av vassdragsmyndigheita.

Vannressurslova § 67 andre ledd seier at avtalar om levering av kraft i samsvar med reglane i tidlegare vassdragslova kan krevjast avløyst ved skjønn mot full erstatning.

Vannressurslova § 14 gjeld erstatning ved gjenopning av eit lukka vassdrag og § 31 fordeling av fellesutgifter. Rekkevidda når det gjeld gjeldande jordskiftelov § 44 har truleg meint å vore mykje vidare. Departementet viser her til at skjønnsheimelen i gjeldande jordskiftelov tredje ledd i § 44 er kopla til tiltak som for eksempel utstikking og gi reglar om opparbeiding og vedlikehald av ulike slag opne og lukka grøfter og kanalar, samt tørrelggingstiltak etter gjeldande jordskiftelov § 2 e. Etter gjeldande jordskiftelov § 2 e kan jordskifte gå ut på tørrelggingstiltak etter vannressurslova § 30. Tiltak for tørrelgging etter vannressurslova § 30 skal i rimeleg utstrekning utførast slik at dei kan komme til nytte for andre grunneigarar.

Etter vannressurslova § 31 tredje ledd bokstav c kan ein overlata til jordskifteretten å avgjere spørsmål om fordeling av fellesutgifter til fellestiltak. Ein deltakar kan krevje ei slik «fordelingssak» for jordskifteretten. Jordskifteretten kan òg ta saka dersom vassdragsmyndigheita viser spørsmålet til jordskifteretten, sjå vannressurslova § 31 tredje ledd bokstav c.

Jordskifteretten kan likevel berre behandle saker om fordeling av felleskostnader etter vannressurslova § 31 tredje ledd bokstav c dersom vassdragstiltaket har samanhang med andre tiltak som står under jordskifte.

Med heimel i gjeldande jordskiftelov § 44 tredje ledd held jordskifteretten skjønn etter vassdragslova dersom vannforsynings- eller tørrelggingstiltak som jordskifteretten behandlar, gjeld eigedommar utanfor feltet. Føresegna må forståast slik at den nå gjeld vannressurslova § 31 tredje ledd bokstav c, og at visinga til vassdragslova er misvisande. Departementet går ikkje nærare inn på korleis ein skal forstå gjeldande jordskiftelov § 44 tredje ledd.

Departementet meiner ein bør føre vidare den kompetansen jordskifteretten har i dag etter vannressurslova § 31 tredje ledd bokstav c.

Departementet foreslår at dette blir gjort ved å nemne vannressurslova § 31 tredje ledd bokstav c i lovforslaget § 5-3 bokstav f. Det gir jordskifteretten kompetanse til å behandle spørsmål om felleskostnader etter vannressurslova § 31 tredje ledd bokstav c når avgjerda blir teken i samband med sak for jordskifterett.

Departementet meiner det er behov for å sjå på om jordskifteretten skal ha ytterlegare kompe-

tanse til å fordele felleskostnader som nemnt i vannressurslova § 31 tredje ledd bokstav c.

Fram til vannressurslova blei vedteken, var vilkåret «av omsyn til jordskiftet». Vilkåret nå er «har sammenheng med andre tiltak som står under jordskifte». Båe formuleringar utelukkar at jordskifteretten kan ta avgjerd etter vannressurslova § 31 tredje ledd bokstav c som eiga sak.

Sjølv om spørsmålet om jordskifteretten skal kunne avgjere spørsmål om fordeling av kostnader som eiga sak ikkje har vore på høyring, foreslår departementet å endre vannressurslova § 31 tredje ledd bokstav c slik at det ikkje skal vere noka avgrensing av kompetansen jordskifteretten har til å fordele kostnader etter § 31 tredje ledd bokstav c. Departementet meiner at dette er ei lita endring. Jordskifteretten har dessutan kunnskap og erfaring som skal til for å avgjere spørsmålet, og det vil vere ei forenkling om jordskifteretten kan behandle kravet om fordeling av kostnader anten kravet har samband med sak for jordskifterett eller som eiga sak. Departementet foreslår å ta ut formuleringa «dersom vassdragstiltaket har sammenheng med andre tiltak som står under jordskifte». Bokstav c vil da lyde: «c) av jordskifteretten etter begjæring fra en deltaker eller henvisning fra vassdragsmyndigheten.» Det vil òg gå fram av lovforslaget § 5-4 at jordskifteretten kan behandle spørsmål om kostnader etter vannressurslova § 31 tredje ledd bokstav c som eiga sak.

Meininga med lovforslaget er at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse til å behandle saker om fordeling av kostnader etter vannressurslova § 31 tredje ledd bokstav c.

Før vannressurslova og endringane i vassdragslova tok til å gjelde, hadde jordskifteretten kompetanse til å halde erstatningsskjønn for tap som oppsto på eigedommar utanfor skiftefeltet som følgje av tiltak innanfor skiftefeltet. Heimelen fant ein i gjeldande jordskiftelov § 44 tredje ledd. Heimelen fell bort da vassdragslova blei endra. Spørsmålet om å gi denne kompetansen attende til jordskifteretten har ikkje vore på høyring. Departementet meiner likevel at heimelen bør førast inn igjen. Det var ikkje meininga å ta frå jordskifteretten denne kompetansen. Jordskifteretten har òg den faglege kunnskapen og erfaringa som skal til for å halde desse skjønna, jf. at han har hatt heimelen tidlegare. Det handlar òg om skjønn i eit område der jordskifteretten alleie er på staden. Prosessøkonomiske omsyn taler da for at jordskifteretten òg held disse skjønna. Departementet foreslår ein eigen paragraf for denne heimelen, sjå lovforslaget § 5-2.

### 11.5.6 Gjerdeplikt og deling av gjerdehaldet med vidare

#### 11.5.6.1 Høyringsforslaget

##### *Jordskiftelova § 52*

Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare reglane i gjeldande jordskiftelov § 52 første ledd om gjerdeplikt og deling av gjerdehaldet innan skiftefeltet og mot naboeigedom. Arbeidsgruppa foreslår likevel at reglane ikkje skal plasserast i kapittel 5, men i høyringsforslaget § 3-28 utan å bruke formuleringa «fritt skjønn» som står i § 52.

##### *Grannegjerdelova § 16*

Arbeidsgruppa foreslår at jordskifteretten skal ha kompetanse til å halde gjerdeskjønn uavhengig av om det er reist krav om eit jordskifte. Arbeidsgruppa foreslår å oppheve den stadlege avgrensinga av kompetansen slik at jordskifteretten får kompetanse til å halde gjerdeskjønn uavhengig av planstatus. Arbeidsgruppa foreslår òg å føre vidare at jordskifteretten skal ha kompetanse aleine til å avgjere spørsmål om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling når det er kravd jordskifte, bruksordning, avløyning eller grensegang etter jordskiftelova. Forslaget gjeld òg gjerdeskjønn med grunnlag i avtale mellom partane. Partane skal ikkje kunne avtale at avgjerda skal takast av lensmannen, namsfuten eller politistasjonssjef med sivile rettspleieoppgåver.

#### 11.5.6.2 Høyringsinstansane

Høyringsuttalar om parallell kompetanse er omtala i punkt 11.3.4.2. Høyringsuttalar knytt til oppheving av avgrensinga av den stadlege kompetansen jordskifteretten har i ei rekkje skjønnsaker går fram av punkt 11.4.2. Det er likevel nokre høyringsuttalar som gjeld andre sider ved forslaga.

*Justisdepartementet* uttalar at

«Arbeidsgruppen har gitt uttrykk for tvil om hvordan forholdet mellom grannegjerdelova § 14 andre ledd og § 16 annet ledd skal forstås. Vi bemerker at grannegjerdelova § 14 regulerer avgjørelsesmåten for spørsmål om gjerdehold. Utgangspunktet er at det skal avgjøres ved skjønn, jf. første ledd, men unntaksvis kan det avgjøres som del av jordskiftesak, jf. annet ledd. Paragraf 16 bestemmer derimot hvem som skal holde gjerdeskjønn, det vil si av avgjørelsen av gjerdespørsmål som skal avgjøres ved skjønn etter § 14 første ledd. Vi forstår

arbeidsgruppen slik at den mener jordskifteretten skal ha kompetanse aleine til å avgjere spørsmål om gjerdehold som ledd i jordskiftesak (høyringsnotatet side 80). Vi antar at dette er rettsstillingen også i dag, jf. § 14 annet ledd. I tillegg forstår vi det slik at arbeidsgruppen legger opp til at jordskifteretten skal ha delt kompetanse med lensmannen til å avholde gjerdeskjønn etter § 14 første ledd. Arbeidsgruppens forslag om å oppheve § 16 innebærer at grannegjerdelova ikke lenger vil regulere hvem som skal styre skjønn etter § 14 første ledd, som ikke er foreslått opphevet. Utkastet til endring av § 14 annet ledd gjelder ikke i de tilfeller hvor det skal avholdes gjerdeskjønn og gir heller ikke jordskifteretten kompetanse i tilfeller hvor partene ikke er enige og gjerdespørsmålet heller ikke er en del av jordskiftesak.»

*Domstoladministrasjonen, jordskiftedommarane i Agder og jordskiftedommarane i Eidsivating og jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* viser til at lovforslaget inneber ei endring i jordskiftelova § 14 andre ledd. Slik forslaget er formulert, inneber det at partane må vere samde for å kunne halde gjerdeskjønn utanfor jordskiftesak. Det kan etter deira meining neppe ha vore meininga.

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* uttaler at det er ulikskap når det gjeld kven som kan krevje ulike typar skjønn. Kvifor det da skal vere semje om at jordskifteretten skal behandle spørsmål om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling er for dei uforståeleg. Særleg gjeld dette når endringa i grannegjerdelova gjer at det berre er jordskifteretten som kan behandle slike spørsmål.

#### 11.5.6.3 Departementets vurderingar

*Gjerdeplikt og deling av gjerdehaldet innan skiftefeltet og mot naboeigedom, gjeldande jordskiftelov § 52*

Gjeldande jordskiftelov § 52 første ledd gir reglar om gjerdeplikt og deling av gjerdehaldet innan skiftefeltet, og mot naboeigedom.

Departementet foreslår at reglane om gjerdehold i eit jordskifte ikkje skal plasserast i lovforslaget kapittel 5 Skjønn og andre avgjerder etter andre lover. Sjølv om det ikkje er uttrykkeleg sagt i lovforslaget § 3-8, er meininga at reglane om sambruk skal kunne brukast til å gi reglar om gjerdehold. Sjå kapittel 8.13.5.3 i lovproposisjonen der dette er omtala.

*Gjerdehald i saker om grensefastsetjing*

Nye reglar om gjerdehald i saker om grensefastsetjing er behandla i kapittel 10.4.10 i lovproposisjonen. Departementets forslag er at jordskifteretten skal få kompetanse til å ta avgjerder om gjerdehald langs den grensa som er til behandling som sak om grensefastsetjing etter lovforslaget § 4-2, sjå lovforslaget § 4-3 første ledd.

*Gjerdeskjønn etter lov 5. mai 1961 om grannegjerde (grannegjerdelova) som eiga sak*

Grannegjerdelova §§ 14 til 16 er samla under omgrepet gjerdeskjønn. Det går fram av grannegjerdelova § 14 første ledd at spørsmål om gjerdehald skal avgjerast «med gjerdeskjønn», så langt ikkje anna er serskilt fastsett i lov. Det følgjer av grannegjerdelova § 14 andre ledd at jordskifteretten avgjer spørsmål om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling i samsvar med jordskiftelova når det er kravd jordskifte, bruksordning, avløyning eller grensegang etter jordskiftelova. Omgrepet skjønn er ikkje brukt om desse avgjerdene.

Gjerdeskjønn blir styrt av lensmann, namnsfuten eller politistasjonssjef med sivile rettspleieoppgåver, sjå grannegjerdelova § 16 første ledd. Jordskifteretten held etter grannegjerdelova § 16 andre ledd gjerdeskjønn i område som er lagt ut som landbruks-, natur- og friluftsføremål samt rein-drift i medhald av plan- og bygningslova § 11-7 nr. 5, eller er regulert til slik bruk eller vern og i uregulert område. Det er eit vilkår at rekvirenten sett fram krav om skjønn for jordskifteretten i samband med sak etter gjeldande jordskiftelov § 6 første til fjerde ledd første punktum, eller som eiga sak.

Grannegjerdelova § 15 første ledd første punktum seier at gjerdeskjønnet tek nødvendige avgjerder om korleis gjerdet skal vere, og kva tid det seinast skal vere sett lovleg i stand.

Det er berre jordskifteretten som kan avgjere spørsmål om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling når det er kravd jordskifte, bruksordning, avløyning eller grensegang etter jordskiftelova, sjå grannegjerdelova § 14 andre ledd.

Departementet meiner det ikkje er grunn til å halde på desse avgrensingane av kompetansen til jordskifteretten. Jordskifteretten må reknast for å ha den kunnskapen og erfaringa som er nødvendig for å avgjere slike spørsmål anten avgjerda har samband med sak for jordskifterett, eller som eiga sak. Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme peikar på at forslaget til arbeidsgruppa inneber skilnader når det gjeld kven som kan

krevje ulike typar avgjerder. Kvifor det skal vere semje om at jordskifteretten skal behandle spørsmål om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling, er etter deira meining uforståeleg. Særleg gjeld dette når endringa i grannegjerdelova gjer at det bare er jordskifteretten som kan behandle slike spørsmål. Departementets forslag tar omsyn til desse innvendingane. Departementets forslag byggjer på at jordskifterettane lenge har hatt kompetanse til å løyse ulike spørsmål knytt til gjerdehald innan skiftefeltet og mot naboeigedom. Det vil òg innebære ei forenkling om jordskifteretten tek alle avgjerder om gjerdehald etter grannegjerdelova. Kompetansen til jordskifteretten bør ikkje vere avhengig av plansituasjonen i området, sjå drøftinga i kapittel 11.4.3. Departementet foreslår derfor at jordskifteretten skal ha kompetanse til å ta alle avgjerder om gjerdehald etter grannegjerdelova, utan omsyn til om det ligg føre eit jordskifte, ei bruksordning, avløyning eller grensefastsetjing, og uavhengig av planstatus. Departementet foreslår å oppheve grannegjerdelova § 16 første ledd kor ein i dag finn heimelen for «lensmannskjønn». Forslaget inneber mykje enklare reglar om kompetanse.

Departementet foreslår at jordskifteretten skal ha kompetanse aleine til å avgjere spørsmål om gjerdehald anten det gjeld sak i samband med sak for jordskifterett eller som eiga sak, sjå forslag til endring i grannegjerdelova § 14 første ledd. Departementets forslag inneber ikkje at det må liggje føre semje mellom partane om at avgjerda om gjerdehald skal takast av jordskifteretten.

Departementet foreslår såleis at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse når det gjeld avgjerder etter grannegjerdelova. Det inneber at departementet òg foreslår endringar i grannegjerdelova § 5 tredje punktum. Endringa inneber at jordskifteretten skal avgjere tvist etter § 5. Endringa i § 8 første ledd andre punktum inneber at det er jordskifteretten som skal fordele gjerdehaldsskyldnaden. Når det gjeld § 9 andre punktum så seiast det at der lende, grindhald eller andre tilhøve gjer gjerdehaldet dyrare på det eine stykke enn på det andre skal skyldnaden jamnast ut med avstyting i lengda eller på annan måte. Forslaget inneber at det er jordskifteretten som skal fastsetje utjamninga. I § 10 første ledd gjer departementet ei endring slik at det er klart at der det er tenlegast, så kan jordskifteretten ta avgjerder om at grannane skal ha heile eller noko av gjerdehaldet i lag eller at den eine skal ha det aleine mot at den andre yter han tilskott. Departementets forslag gjer det klart at det er jordskifteretten som skal fastsetje tilskottet. I § 17 første ledd første

punktum står det at avgjerdene jordskifteretten tek er tvangsgrunnlag på same måte som orskurder. I første ledd andre punktum foreslår departementet at det berre er jordskifteretten som eventuelt skal kunne gi ei klage utsetjande verknad. Endringa i § 17 andre ledd tredje punktum inneber at jordskifteretten kan avgjere tvist om kostnadsspørsmålet når arbeidet er gjort i dei tilfella der det ikkje er tvangsgrunnlag frå før. I § 19 foreslår departementet at det er jordskifteretten som kan endre gjerdeskipnad som er fastsett før grannegjerdelova tok til å gjelde.

Departementet foreslår òg at kompetansen til jordskifteretten ikkje lenger skal vere stadleg avgrensa. Det inneber at ein vil foreslå å oppheve § 16 første og andre ledd. Kompetansen til jordskifteretten vil etter lovforslaget gå fram av grannegjerdelova § 14 første ledd. Lovforslaget inneber at jordskifteretten skal avgjere spørsmål om «gjerdehald», noko som òg famnar det ein i dag kallar «gjerdehaldstvang» og «gjerdehaldsdeling», sjå grannegjerdelova § 14 andre ledd.

Kompetansen til jordskifteretten til å ta avgjerd etter grannegjerdelova går fram av lovforslaget § 5-3 bokstav b når spørsmålet gjer seg gjeldande i samband med sak for jordskifterett, og av lovforslaget § 5-4 dersom spørsmålet blir behandla som eiga sak. Korleis sakene skal behandlast med vidare, går fram av lovforslaget § 5-7 og grannegjerdelova § 14 første ledd andre punktum.

I dei tilfella gjerdehaldssaka går som eiga sak vil reglane i grannegjerdelova § 16 tredje ledd om sakskostnader gjelde. Grannegjerdelova § 16 tredje ledd bestemmer at kostnaden ved skjønn om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling etter §§ 7 og 8 ber partane i høve til den nytten kvar av dei har av gjerde, såfram skjønnet ikkje finn grunn til ei anna deling. Om kostnaden elles, gjeld det som er fastsett i tvistelova kapittel 20. Departementet meiner det ikkje er grunnlag for å endre reglane i grannegjerdelova § 16 om sakskostnader. Reglane om kostnader vil ein etter lovforslaget finne i § 16 første ledd. Departementet foreslår nokre språklege endringar utan at det er meininga å endre innhaldet.

### **11.5.7 Lov 29. november 1968 um særlege råderettar over framand eigedom**

#### *11.5.7.1 Høyringsforslaget*

Arbeidsgruppa foreslår å leggje kompetansen jordskifteretten har etter lov 29. november 1968 um særlege råderettar over framand eigedom (servituttlova) til jordskifteretten aleine. Arbeids-

gruppa foreslår òg å ta bort den stadlege avgrensinga av kompetansen til jordskifteretten. Kompetansen blei, med unntak av kompetansen etter servituttlova § 13, foreslått innarbeidd i den nye jordskiftelova, jf. høyringsforslaget §§ 3-9 til 3-12. Arbeidsgruppa foreslår etter dette å oppheve servituttlova §§ 5 til 7 om omskiping og avskiping. Ho foreslår ny § 13 a for å få fram at avgjerd om utvising av skog skal liggje til jordskifteretten aleine. Arbeidsgruppa foreslår å oppheve servituttlova §§ 18 og 19.

Landbruks- og matdepartementet kom likevel til at reglane om avskiping og omskiping framleis bør stå i servituttlova, sjølv om ein gjer dette til verkemiddel i jordskifte slik arbeidsgruppa foreslår, jf. høyringsbrev av 18. september 2009.

#### *11.5.7.2 Høyringsinstansane*

*Justisdepartementet* uttaler seg mellom anna til spørsmålet om kor reglane om omskiping, avskiping og utvising bør stå. Justisdepartementet støttar Landbruks- og matdepartementets syn om at reglane om avskiping, omskiping av servituttar framleis bør stå i servituttlova. Justisdepartementet er samd i at avskiping og omskiping av servituttar kan vere nye jordskifteverkemiddel, men dei kan ikkje sjå at det av den grunn er nødvendig eller tenleg å flytte reglane frå servituttlova. Reglane er etter Justisdepartementets meining ein viktig del av det privatrettslege rettshøvet mellom grunneigar og servitutthavaren, som elles er regulert i servituttlova. Reglane høyrer derfor naturleg heime i servituttlova, og ikkje i jordskiftelova som har meir preg av å vere ein prosesslov. Justisdepartementet foreslår at det i staden for å flytte reglane skal visast til reglane i servituttlova om avskiping og omskiping.

*Domstoladministrasjonen* (DA) uttaler seg mellom anna om bruken av omgrepet servituttar. DA uttaler at

«I lovutkastet benyttes begrepet servitutter og bruksretter om hverandre. En bruksrett innebærer at man har en rett til å bruke en annen eiendom i større eller mindre grad. De fleste bruksretter til fast eiendom, faller inn under definisjonen for positive servitutter. Begrepet servitutter omfatter både negative og positive servitutter. I første ledd heter det at «Jordskifteretten kan avløyse bruksrettar, herunder positive servituttar.» DA stiller spørsmål om hva som legges i begrepet bruksrett i denne sammenheng. Dette er for upresist og må konkretiseres nærmere.»

*Advokatforeningen* uttaler seg mellom anna om konsekvensane som høyringsforslaget har for kompetansen til jordskifteretten. Advokatforeningen uttaler at

«Lovutkastet §§ 3-9 til 3-12 innebærer at jordskifteretten kan omskipe og avskipe servitutter etter servituttloven. Dette er en utvidelse av jordskifterettens kompetanse. Det fremgår ikke uttrykkelig av utredningen hvorvidt jordskifteretten skal ha enekompetanse på det området som i dag er regulert i servituttloven §§ 5 til 8. Advokatforeningen mener at jordskifteretten på dette området muligens bør være kompetent, men ikke ha enekompetanse. Det bør være lovens hovedregel at denne type avgjørelser (om- og avskipping av servitutter) hører under rettslig skjønn, men partene kan eventuelt velge jordskifte.»

*Gulating jordskifteoverrett* uttaler seg òg om kompetansen til jordskifteretten. Deira generelle kommentar til høyringsforslaget til arbeidsgruppa kapittel 5, er at høyringsforslaget fører til at jordskifteretten får eksklusiv heimel til mellom anna å halde beiteskjønn, gjerdeskjønn, servituttskjønn, og skjønn etter reindriftslova. Samstundes blir den stadlege avgrensing av skjønnskompetansen til jordskifteretten oppheva. Dei er samde i desse forslaga og meiner at dette kan føre til meir lik behandling av slike saker.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler seg mellom anna til kompetansen til jordskifteretten til å bruke pengeerstatning. Dei meiner at forslaget om å gjere servituttlova til eit verkemiddel i jordskiftesak er eit av dei beste grepa i arbeidet med ny jordskiftelov. Gjeldande jordskiftelov § 30 gir små rom for å bruke pengeerstatning i dei tilfella resultatet av bruken av verkemidla i gjeldande jordskiftelov § 2 ikkje fullt ut tilfredsstillar kravet i gjeldande jordskiftelov § 3 bokstav a. Denne situasjonen vil ofte kunne oppstå i jordskiftesaker i byer og tettbygde strom. Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme viser til gjeldande jordskiftelov § 43 om ekspropriasjonsheimelen til jordskifteretten som del av jordskiftesak. Dei meiner at ei tilsvarende føresegn, men innanfor jordskiftetfeltet, skal inngå i jordskiftelova. Dei kan ikkje sjå at argumentet om dobbeltkompetanse er relevant. Når kravet om jordskifte er litispending, vil ingen andre kunne anvende servituttlova i jordskiftetfeltet. For partane vil dette føre til prosessøkonomiske gevinstar. I dag blir enkelte jordskiftesaker avslutta utan at problema til partane fullt ut er løyste på

grunn av det smale høvet jordskifteretten har til å bruke pengar etter gjeldande jordskiftelov § 30. Partane må derfor krevje servituttskjønn som eiga sak, eventuelt av forvaltninga, nye skjønnsmenn og nye gebyr.

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* uttaler til høyringsforslaget § 3-10:

«Vi er positive til den utvida heimelen som her er foreslått. Vi ser at Landbruks- og Matdepartementet i høyringsbrevet går inn for at reglane om avskipping og omskipping fortsatt skal stå i servituttlova, sjølv om ein gjer dette til eit jordskifteverkemiddel slik som lovforslaget legg opp til. Dersom LMD sitt forslag om dette vert det endelege, vil vi foreslå ein tilvisingsparagraf i ny jordskiftelov, ev. krysstilvising både i jordskiftelova og servituttlova, slik at det går tydeleg fram også av jordskiftelova at av- og omskipping er eit jordskifteverkemiddel. Det vil vere uheldig om eit jordskifteverkemiddel ikkje går fram av jordskiftelova, men må leitast fram i ei anna lov.»

### 11.5.7.3 Departementets vurderingar

#### *Innleiing*

Spørsmål om omskipping og avskipping av rettar over fast eigedom kan oppstå i eit jordskifte. For slike tilfelle har ein reglar om kva jordskifteretten kan gjere i jordskiftelova. Det kan likevel òg vere slik at ein grunneigar eller rettshavar krev omskipping, avskipping eller utvising etter reglane i servituttlova. Eit slik krav kan oppstå i samband med eit jordskifte eller som eiga sak.

*Bør reglane om omskipping, avskipping og utvising stå i ny jordskiftelov eller servituttlova*

Arbeidsgruppa foreslår å innarbeide reglane i servituttlova om omskipping og utskipping i den nye jordskiftelova. Landbruks- og matdepartementet kom i høyringsbrevet til at reglane om avskipping, omskipping og utvising framleis burde stå i servituttlova, sjølv om dette blei verkemiddel i jordskifte slik arbeidsgruppa foreslår.

Departementet er samd med Justisdepartementet i at ein bør føre vidare reglane om omskipping (§§ 5 og 6), avskipping (§ 7) og utvising (§ 13) i servituttlova. Reglane er ein viktig del av det privatrettslege rettshøvet mellom grunneigar og servitutthavaren, som elles er regulert i servituttlova. Reglane høyrer derfor naturleg heime i servituttlova.



Departementet har i kapittel 8.5 vurdert om det er grunnlag for å foreslå reglar i lovforslaget kapittel 3 Jordskifte i den nye jordskiftelova som mellom anna fangar opp dei problema jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme peikar på. Departementet foreslår å føre vidare gjeldande lov når det gjeld tilhøvet til servituttar. Departementet meiner gjeldande jordskiftelov § 30 gir små rom for å bruke pengeerstatning i dei tilfella resultatet av bruken av verkemidla i gjeldande jordskiftelov § 2 ikkje fullt ut tilfredsstillar kravet i gjeldande jordskiftelov § 3 bokstav a. I dag blir enkelte jordskiftesaker avslutta utan at problema til partane fullt ut er løyste på grunn av den avgrensa kompetansen jordskifteretten har til å bruke pengar etter gjeldande jordskiftelov § 30. Departementet meiner likevel at det rette grepet ikkje er å ta reglane i servituttlova inn i den nye jordskiftelova. Departementet har òg vurdert om nokre av reglane i servituttlova om omskiping, avskipping og utvising elles òg bør innarbeidast i den nye jordskiftelova. Departementet meiner at forslaget til reglar om omskiping og avløyseing av rettar dekkjer behovet til jordskifteretten. Jordskifteretten kan etter lovforslaget § 3-4 forme ut alltidvarande bruksrett på nytt, og etter § 3-11 på nærare vilkår omskipe og avløyse bruksrettar som ikkje ligg til fast eigedom. Jordskifteretten kan etter § 3-12 avløyse alltidvarande bruksrett som ligg til fast eigedom eller rett til å forby enkelte slag verksemd, bruk eller tilstand (negative servituttar).

*Kompetansen jordskifteretten har til å treffe avgjerd om omskiping, avskipping og utvising etter servituttlova*

Avgjerd om omskiping, avskipping og utvising blir behandla etter reglane i skjønnsprosesslova, sjå servituttlova § 18 første ledd og formuleringa «høyrrer under skjøn». Saka blir styrt av lensmannen, namsfuten eller politistasjonssjef med sivile rettspleieoppgåver, sjå servituttlova § 19 første ledd. Jordskifteretten kan etter andre ledd innafor eit stadleg avgrensa område (LNFR-område etter plan- og bygningslova), avgjere spørsmål om omskiping, avskipping eller utvising av trevirke etter servituttlova, dersom rekvirenten set fram krav om det for jordskifteretten. Jordskifteretten kan ta avgjerder i samband med sak etter jordskiftelova dersom det dreier seg om saker etter gjeldande jordskiftelov § 6 første til fjerde ledd første punktum. Jordskifteretten kan elles ta avgjerder om omskiping, avskipping og utvising innafor det stadleg avgrensa området som eiga sak dersom rekvirenten krev det.

Jordskifteretten kan etter servituttlova § 5 første ledd prøve om det er nokon avgjerande grunn i mot å flytte bruken eller å få han nærare fastlagd, eller omskipe rettshøvet på annan måte. I tillegg til vilkåret om at ingen avgjerande grunn er i mot, må parten som krev omskiping betale kostnaden sjølv. Det er ytterlegare eit vilkår at den nye skipnaden er minst like god for motparten som den tidlegare. Utan at partane er samde, kan omskiping etter § 5 ikkje gå så langt at retten blir av eit anna slag enn før, sjå § 5 tredje ledd. I andre ledd er det eit unntak frå kravet om at rekvirenten må dekkje sakskostnadene. Det er parten som krev omskiping som må bevise at ingen avgjerande grunn er mot omskiping.

Er det mykje om å gjere for ein part, og det ikkje er tvil om at vinninga på hans side blir monaleg større enn tapet på den andre sida, kan han få omskiping jamvel om den nye skipnaden ikkje blir likså god for motparten som den tidlegare, sjå servituttlova § 6 første ledd. I servituttlova § 6 første ledd er det heimel for å gjere såpass vidtgående endringar at det grensar mot innløyseing eller ekspropriasjon. I servituttlova § 6 er det ikkje noko krav om at retten må vere av same slag som før. Når skipnaden ikkje blir likså god for motparten som tidlegare, må han som får medhald i kravet om omskiping svara mellomlag i jord, rettar eller pengar etter avgjerd i skjønn. Mellomlaget må ikkje setjast så lågt at omskipinga blir til skade for motparten, sjå servituttlova § 6 andre ledd første og andre punktum.

Når retten er omskipa i avgjerd etter servituttlova §§ 5 eller 6, kan omskiping etter servituttlova ikkje krevjast før minst 20 år er gått eller nye tilhøve gir rimeleg grunn til det. Det same gjeld når omskiping eller avskipping blir nekta i realitetsavgjerd etter servituttlova.

Avskipping er det sterkaste inngrepet i eit servituttilhøve. Servituttlova stiller i § 7 strenge vilkår for avskipping. Det må dreie seg om ein rett som klart er til meir skade enn gagn. Da kan eigaren få avskipa retten så framti mishøvet ikkje kan bli retta med omskiping etter servituttlova §§ 5 eller 6. Som for omskiping etter servituttlova § 6, skal eigaren i slike høve svara vederlag i jord, rettar eller pengar etter avgjerd i skjønn. Vederlaget må ikkje setjast lågare enn det retten er verd for rettshavaren, sjå andre ledd.

Når skogeigaren krev det, lyt han eller ho som har rett til trevirke til hushald eller gardsbruk, ta det etter utvising, sjå servituttlova § 13. Det er nærare reglar i paragrafen om korleis utvising skal gå føre seg.

Dei særskilde råderettane over fast eigedom som jordskifterettane har til behandling i jordskiftesak, kan behandlast etter reglane i servituttlova.

Departementet drøftar spørsmålet om stadleg avgrensing av kompetansen til jordskifteretten til LNFR-område etter plan- og bygningslova, i kapittel 11.4. Departementet foreslår å ta bort denne stadlege avgrensinga.

Kompetansen til jordskifteretten er avhengig av at rekvirenten sett fram krav om skjønn for jordskifterett som eiga sak eller i samband med sak etter gjeldande jordskiftelov § 6 første til fjerde ledd første punktum. Departementet kan ikkje sjå at det er nokon grunn til å føre vidare dette vilkåret. Departementet meiner jordskifteretten bør kunne ta avgjerd etter servituttlova §§ 5 til 7 og 13 i alle dei tilfella det blir krevd avgjerd av ein grunneigar eller rettshavar.

Departementet har i kapittel 11.3 drøfta spørsmålet om jordskifteretten bør ha eksklusiv kompetanse på dei områda der ein må rekne jordskifteretten for å ha serleg gode føresetnader for å ta avgjerd. Departementet er samd med Advokatforeningen i at jordskifteretten er kompetent på det området som servituttlova §§ 5 til 7 regulerar. I tillegg meiner departementet at jordskifteretten er kompetent til å avgjere spørsmål om utvising etter servituttlova § 13. Departementet meiner likevel jordskifteretten, leia av ein jordskiftedommar, ikkje berre er kompetent, men truleg er betre kvalifisert til å ta dei aktuelle avgjerdene enn ein skjønnsrett leie av lensmann, namsfut eller ein politistasjonssjef. Ein jordskiftedommar vil truleg ha mykje meir erfaring med å handtere spørsmål om omskiping, avskipping og utvising fordi dette er relativt vanlege spørsmål i sak for jordskifterett. Departementet er ikkje samd med Advokatforeningen i at det bør vere hovudregelen i lova at denne type avgjerder skal høyre under rettsleg skjønn. Jordskifteretten har så lenge ein har hatt jordskiftereglar, hatt kompetanse til å omskipe bruksrettar. Når det gjeld avskipping (innløyising) har jordskifteretten òg i lang tid hatt kompetanse innanfor skiftetfeltet. I tillegg til erfaringa til jordskifteretten med spørsmål om omskiping og avskipping i ordinære jordskifte, talar omsynet til lik behandling av sakene for at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse. Departementet foreslår etter dette å gi jordskifteretten eksklusiv kompetanse til å omskipe, avskipe eller utvise etter reglane i servituttlova.

Etter gjeldande reglar kan jordskifteretten berre ta avgjerder om omskiping, avskipping og utvising i samband med sak etter jordskiftelova dersom det gjeld sak etter jordskiftelova § 6 første

til fjerde ledd første punktum. Det kan tenkjast at det kan vere aktuelt å fremje krav om omskiping, avskipping eller utvising òg i andre tilfelle i samband med sak etter jordskiftelova. Departementet meiner det ikkje er nokon avgjerande grunn til ikkje å gi jordskifteretten eksklusiv kompetanse til å avgjere alle saker om omskiping, avskipping og utvising når kravet blir reist i samband med sak for jordskifterett. Lovforslaget § 5-3 bokstav e gir jordskifteretten slik kompetanse.

Spørsmål om omskiping, avskipping eller utvising kan òg vere ønska utan at spørsmålet har nokon samanheng med jordskifte. Sak etter servituttlova §§ 5 til 7 og 13 skal framleis kunne behandlast av jordskifteretten som eiga sak. Dette går fram av lovforslaget § 5-4. Det går fram av lovforslaget § 5-7 og forslaget til endring av servituttlova § 18 korleis slike saker skal behandlast.

Departementet foreslår ei endring i servituttlova § 6 andre ledd første punktum. Formuleringa «etter avgjerd i skjøn» er teken ut. Korleis saka skal behandlast med vidare, går fram av lovforslaget § 5-7. Ei tilsvarande endring er gjort i servituttlova § 7 andre ledd første punktum.

For å gjere det lettast mogleg å finne fram til kven som skal avgjere spørsmål om omskiping, avskipping og utvising foreslår ein eit nytt første ledd i servituttlova § 18. Der blir det sagt at det er jordskifteretten som skal avgjere spørsmåla som eiga sak. I paragrafen blir det òg sagt etter kva for reglar saka skal behandlast.

Andre ledd i servituttlova § 18 om frist for nytt krav om omskiping, avskipping og utvising blir ført vidare.

Departementet foreslår å gi jordskifteretten eksklusiv kompetanse til å avgjere spørsmål om omskiping, avskipping og utvising når spørsmålet blir behandla som eiga sak etter servituttlova, sjå kapittel 11.3. Departementet foreslår derfor å oppheve servituttlova § 19 første ledd. Departementet foreslår òg å ta bort den stadlege avgrensinga av kompetansen til jordskifteretten til å ta slike avgjerder. Departementet foreslår derfor å oppheve servituttlova § 19 andre ledd første punktum.

Servituttlova § 19 andre ledd andre punktum seier at jordskifteretten gjer nødvendig oppmålingsarbeid som del av saka dersom partane er samde om det. Departementet meiner denne regelen bør førast vidare i § 19 første ledd. Servituttlova § 19 andre ledd tredje punktum seier at gjeldande jordskiftelov §§ 58, 61 d og 74 tredje ledd gjeld tilsvarande. Departementet foreslår å føre vidare desse reglane. Reglane finn ein att i lovforslaget § 6-29, § 8-1 og § 7-3. Dette går fram av servituttlova § 19 første ledd.

Servituttolova § 19 tredje ledd har reglar om kostnaden ved det som kallast skjønn etter servituttolova. Departementet foreslår nokre språklege endringar i reglane.

## **11.6 Ny kompetanse til jordskifteretten, avgjerder etter beitelova**

### **11.6.1 Høyringsforslaget**

Arbeidsgruppa foreslår at jordskifteretten skal avgjere dei spørsmåla som beitelova §§ 7 og 9 omhandlar. Arbeidsgruppa meiner det bør gå fram av beitelova sjølv, og foreslår derfor ei endring i beitelova der det seiast at kvar av partane «kan krevje at jordskifteretten skal avgjere spørsmålet». Meininga er at jordskifteretten skal ha denne kompetansen aleine.

Arbeidsgruppa meiner at det ikkje er behov for regelen om varsel om skjønnet innan fem dagar. Arbeidsgruppa foreslår at saksbehandlingsa skal følgje reglane i høyringsforslaget § 5-5. Det inneber at reglane om saksbehandling i jordskiftelova skal gjelde når skjønnet haldast i samband med jordskifte. Skjønnet skal behandlast etter reglane i skjønnsprosesslova dersom skjønnet ikkje haldast i samband med jordskifte. Gruppa meiner at kostnadene med skjønnet òg bør følgje dei same reglane som for andre skjønn. Gruppa foreslår denne regelen sløyfa i beitelova § 11. Arbeidsgruppa kan heller ikkje sjå at det skal vere nødvendig å ha regelen om inndrivning av pengekrav i beitelova § 11 siste ledd. Det må òg kunne følgje vanlege reglar.

### **11.6.2 Høyringsinstansane**

Få høyringsinstansar uttaler seg eksplisitt om dette spørsmålet. Domstoladministrasjonen foreslår ei oppstramming av regelen i høve til teksten i høyringsforslaget. Dei andre som uttaler seg støttar forslaget.

### **11.6.3 Departementets vurderingar**

Kjem husdyr inn på område der eigaren eller innehavaren av dyret ikkje har rett til å la det halde til, er eigaren eller innehavaren etter beitelova § 7 første ledd skyldig å svare erstatning for den skaden dyret valdar på avling og annan eigedom. Har skadelidne sjølv medverka til skaden med å ikkje overhalde gjerdeplikta si, eller på annan måte, kan erstatninga setjast ned eller falle heilt bort, alt etter kor stor skuld han har.

Den som har sett inn dyr fordi han har fått det inn på sin grunn, har etter beitelova § 9 andre ledd rett til å halde det tilbake til det er reidd ut erstatning som fastsett i beitelova § 7 og godtgjering for det arbeidet og dei utlegg mellom anna innsettinga har ført med seg, eller til det er gitt full trygd for kravet til innsetjaren.

Bli det tvist om krav etter beitelova §§ 7 eller 9, kan kvar av partane krevje at spørsmålet skal avgjerast «ved skjønn», sjå beitelova § 11 første ledd første punktum. Slike skjønn blir styrt etter første ledd andre punktum av lensmann, namsfuten eller politistasjonssjef med sivile rettspleieoppgåver (lensmannsskjønn).

Jordskifteretten har lenge hatt kompetanse til å gi reglar om bruk og sambruk innan skiftefeltet òg når det gjeld beite. I gjeldande jordskiftelov går kompetansen fram av § 35 bokstavane a til d. Jordskifterettane må reknast for å ha mykje erfaring med beitesaker. Departementet meiner dei vurderingane som det er tale om å gjere etter beitelova § 11, jf. §§ 7 og 9, er av ein slik karakter at dei bør kunne leggjast til jordskifteretten. Departementet viser til at det ein skal finne ut, er kva erstatning ein skal betale for den skaden dyr har årsaka på avling og annan eigedom. Eit anna tema er erstatning for det arbeidet og dei utlegg mellom anna innsettinga har ført med seg. I slike saker er det ein fordel å kunne bruke jordskifteretten, ettersom jordskifteretten har god nok kunnskap til å avgjere dei spørsmåla om beiterett som lett oppstår i slike tilfelle.

Departementet vil òg peike på at jordskifteretten allereie gjer skjønnsmessige vurderingar etter reindriftslova som liknar på desse vurderingane, og at nokre jordskifterettar held erstatningskjønn etter reindriftslova § 70.

Departementet foreslår derfor at jordskifteretten skal avgjere dei spørsmåla som beitelova §§ 7 og 9 omhandlar. Departementet foreslår endringar i beitelova § 11 for å få fram at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse til å avgjere dette. Departementet foreslår å erstatte formuleringa «ved skjønn» med «at jordskifteretten skal avgjere spørsmålet» for å få fram dette. Det går fram av lovforslaget § 5-7 korleis sakene skal behandlast.

Departementet foreslår som ei følgje av lovforslaget å oppheve § 11 første ledd andre punktum der det i dag framgår at skjønn etter beitelova er «lensmannsskjønn».

Departementet foreslår av informative omsyn òg å ta inn kompetansen til jordskifteretten til å avgjere dei spørsmål beitelova §§ 7 og 9 omhandlar i jordskiftelova. Kompetansen jordskifteretten har til å ta avgjerder etter beitelova §§ 7 og 9 i

samband med sak for jordskifterett, går fram av lovforslaget § 5-3 bokstav c. Kompetansen jordskifteretten har til å ta avgjerd etter beitelova §§ 7 og 9 som eiga sak, går fram av lovforslaget § 5-4. Korleis sakene skal behandlast går fram av lovforslaget § 5-7 og beitelova § 11 første ledd nytt andre punktum.

Når det gjeld sakskostnader, følgjer det av beitelova § 11 andre ledd at eigaren eller innehavaren ber kostnaden med skjønnet, så framt skjønnet ikkje finn grunn til ei anna deling. Departementet foreslår å endre andre ledd slik: «Kostnaden ved avgjerda ber eigaren eller innehavaren så framt jordskifteretten ikkje finn grunn til ei anna deling.» Departementet foreslår òg ei språkleg endring i beitelova § 11 tredje ledd: «Pengesummar nokon har krav på etter avgjerd i medhald av denne paragrafen kan søkjast inn etter dei reglar som gjeld om fullføring av dommar.»

Departementet kan etter beitelova § 14 første ledd setje forbod mot beiting med alle slags dyr heile året. Forbodet kan gjelde for heile kommunen, eller for ein del av kommunen, men aldri for bygdeallmenningar eller statsallmenningar. Den som har beiterett, og som blir råka av departementets forbod, kan etter beitelova § 14 andre ledd krevje retten sin avløyst etter reglane i jordskiftelova § 92. Beitelova § 14 viser til tidlegare lov. Tilvisinga til gjeldande jordskiftelov skal truleg vere gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav d.

Jordskifteretten har kompetanse til å avløyse slik rett. Det er såleis ikkje tale om nokon ny kompetanse. I dag kan jordskifteretten behandle krav etter § 14 andre ledd som eiga sak. Departementets forslag i lovforslaget § 5-3 inneber at jordskifteretten òg skal kunne avløyse slik beiterett i samband med sak for jordskifterett. Departementet foreslår å gjere ei endring i beitelova § 14 andre ledd slik at det ikkje lenger er vist til forelda lovreglar.

Det er reglar om saksbehandling for behandling av skjønn etter beitelova, sjå beitelova § 11. Departementet meiner det ikkje er behov for regelen om varsel om skjønnet innan fem dagar. Departementet meiner saksbehandlinga bør følgje reglane i lovforslaget § 5-7. Det inneber at reglane om saksbehandling i jordskiftelova gjeld når spørsmålet blir behandla i samband med sak for jordskifterett, reglane i skjønnsprosesslova dersom spørsmålet blir behandla som eiga sak.

## 11.7 Reglar om saksbehandling

### 11.7.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa meiner eit mål om mest mogleg einsarta reglar for skjønn og andre avgjerder må liggje til grunn for revisjonen av reglane om saksbehandling. Arbeidsgruppa foreslår ei ordning der skjønn halde av jordskifteretten anten skal gå etter reglar om saksbehandling i den nye jordskiftelova (eventuelt supplert med særreglar i særlov) eller etter skjønnsprosesslova. Forslaget til arbeidsgruppa når det gjeld reglar om saksbehandling går fram av høyringsforslaget § 5-5.

### 11.7.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* uttaler:

«Utkastet til ny § 70 a jf. utkastet til ny jordskiftelov § 5-5 innebærer etter det vi kan se en realitetsendring som ikke er tilstrekkelig kommentert eller drøftet. Etter gjeldende jordskiftelov § 6 a gjelder samme saksbehandlingsregler enten skjønn etter reindriftsloven avholdes som egen sak eller i forbindelse med jordskifte – saksbehandlingen skal følge reglene i jordskifteloven supplert med skjønnsloven § 26. Etter utkastet til ny § 70 a, jf. utkastet til ny jordskiftelov § 5-5, bestemmes saksbehandlingsreglene av om skjønnet holdes sammen med jordskifte eller som egen sak, jf. henvisningen til utkastet til ny jordskiftelov § 5-5. Endringen her bør nevnes og drøftes.»

*Domstoladministrasjonen (DA)* har ingen kommentarar til forslaget arbeidsgruppa har til reglar om saksbehandling utover at det er naturleg at den blir delt inn i fleire ledd. DA meiner det bør vurderast å ta inn ei tilvising til føresegna i forslaget til arbeidsgruppa § 2-9 tredje ledd. DA stiller spørsmål ved kva som er meininga med høyringsforslaget § 2-9 fjerde ledd. Konsekvent lovteknikk tilseier at sida reindriftsskjønn er teken ut av jordskiftelova, bør dette leddet strykast.

*Jordskifteoverrettane* saknar ein grundigare gjennomgang av kva ein vinn på å ha to ulike regelsett for dei skjønn jordskifteretten skal halde. Dei uttaler:

«Om skjønn blir halde som eiga sak, eller som del av jordskifte, ville det etter vår meining vere interessant å vurdere ei ordning der jordskiftelova sine saksbehandlingsreglar skal gjelde. Begge regelsetta er svært like, bygd over same

system etter modell frå kvarandre. Vi ser at det ville vere nødvendig å supplere jordskiftelova sine saksbehandlingsreglar med enkelte reglar frå skjønnslova, t.d. for kostnader, rettsmiddel m.v. Slik vi ser det vil det vere mykje å vinne på eit slikt system. Jordskifterettane vil halde seg til eit system, og det vil vere lett å skifte mellom jordskifte, skjønn og å kombinere desse. Eit krav om sams tiltak kan subsidiært framsettast som skjønn etter veglova § 53, dersom vilkåra for sams tiltak etter retten syn ikkje er oppfylt. Det er gjennom kombinasjon av verkemiddel på mange av fordelane med å bruke jordskifteretten i slike spørsmål ligg.»

*Norges Bondelag* uttaler:

«Norges Bondelag er opptatt av at regelverket skal være lett tilgjengelig og brukervennlig. I den forbindelse bør det søkes å oppnå færrest mulig særregler for jordskifteretten, herunder når det gjelder prosessreglene. Ved tvisteløsning som rettsutgreiing og grensegang, bør tvisteloven anvendes med mindre det er særlige forhold som taler foren annen løsning. Tilsvarende bør skjønn for jordskifteretten følge skjønnsprosesslovens regler. Det fremstår som mindre heldig at publikum skal kunne velge domstol etter hvilken prosessordning som passer best. Jordskifteretten bør i stedet velges fordi den har en særlig kompetanse som de alminnelige domstoler mangler. Det kan for øvrig ikke sees at det er gitt noen god begrunnelse for å unnta tvistelovens kapitler 5 og 20, samt §§ 12-1 fjerde ledd og 18-4, i rettsutgreiings og grensesaker. Tvert om vil det være naturlig å la disse reglene få anvendelse i slike tvister. I tilfeller hvor begge parter ønsker en avklaring av et rettsspørsmål uten at det foreligger en tvist, kan nevnte regler suppleres med en bestemmelse etter mønster av odelsloven § 6.»

### 11.7.3 Departementets vurderingar

I innstillinga til Skjønnslovutvalget, NOU 1993: 35, blir det uttrykt ønske om mest mogleg einsarta reglar for skjønnsaker (s. 83 første spalte). Departementet meiner det må vere eit mål òg for denne lovrevisjonen.

Departementet meiner skjønn og andre avgjerder etter andre lover bør behandlast etter eitt av to spor. Skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett bør behandlast etter reglane i jordskiftelova så

langt dei høver, medan skjønn og andre avgjerder etter andre lover som eiga sak bør følgje reglane i skjønnsprosesslova. I tillegg må ein følgje dei serlege reglane som ein finn i dei lovene som er nemnde i lovforslaget § 5-3. Departementet kan vanskeleg sjå anna enn at ein da tek vare på rettstryggleiken til partane.

Det er argument mot å gjere for store inngrep i ordninga ein har i dag med tre spor. Denne løysinga er drøfta i kapittel 11.2.3.2. Det er likevel ei så stor forenkling knytt til det å gå over til to spor slik at skjønn og andre avgjerder anten går etter jordskiftelova sine reglar eller etter skjønnsprosesslova sine reglar, at departementet foreslår ei slik endring. Det endrar ikkje på dette at ein må supplere med reglar som finst i dei særlovene jordskifteretten kan behandle saker etter.

Skjønnsprosesslova er endra i samband med den nye tvistelova. Det er mellom anna gjort viktige endringar for å tilpasse reglane om saksbehandling til det at skjønn utgjer eit stort spekter av saker, både når det gjeld talet på partar og kor kompliserte faktiske og rettslege spørsmål som blir reist. Departementet meiner det tospora forslaget, gjer det mogleg å få til ei rask og rettssikker behandling av skjønna og avgjerdene i jordskifteretten.

#### 11.7.3.1 Skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett

Gjeldande jordskiftelov har i § 6 b reglar om mellom anna saksbehandling for skjønn jordskifteretten held som eiga sak, skjønn som er ein del av jordskiftesak og for skjønn etter andre lover. For skjønn etter reindriftslova og for avgjerd etter reindriftslova § 59 fjerde ledd, er det egne reglar om saksbehandling i § 6 a og reindriftslova § 70.

Etter gjeldande reglar går skjønn som er ein del av jordskiftesaka, etter reglane om saksbehandling i jordskiftelova så langt dei passar, og etter dei føresegnene i skjønnsprosesslova som er særskild nemnde i gjeldande jordskiftelov § 6 b.

Departementet foreslår at skjønn og andre avgjerder som jordskifteretten held eller tek etter §§ 5-1 til 5-3 skal behandlast etter kapitel 1, 2, 6 og 8 i lovforslaget så langt dei høver. Dette gjeld saker i samband med sak for jordskifterett og går fram av lovforslaget § 5 første ledd første punktum. I tillegg gjeld lovforslaget § 7-1 andre ledd og § 7-10. Reglane for rettslege skjønn i skjønnsprosesslova gjeld så langt kapitla 1, 2, 6 og 8 ikkje regulerer spørsmålet, sjå lovforslaget § 5-7 første ledd tredje punktum. Departementet foreslår i lovforslaget § 5-7 fjerde punktum ein regel om at i til-

legg gjeld reglane i dei lovene som er nemnde i lovforslaget § 5-3 for behandlinga av desse sakene.

Reindriftslova har reglar om saksbehandling. Departementet meiner desse reglane må gjelde i tillegg til reglane i den nye jordskiftelova og skjønnsprosesslova som skal brukast i den aktuelle saka. Departementet meiner det bør gå fram av lovforslaget § 5-7.

#### 11.7.3.2 *Skjønn og andre avgjerder etter andre lover som eiga sak*

Skjønn jordskifteretten held som eiga sak eller etter andre lover enn gjeldande jordskiftelov, blir behandla etter reglane i skjønnsprosesslova, eventuelt supplert med reglar i særlova, sjå gjeldande jordskiftelov § 6 b. Departementet foreslår at skjønn og andre avgjerder jordskifteretten tek, fullt ut skal følgje reglane i skjønnsprosesslova. I tillegg må særreglane i dei lovene som er nemnde i lovforslaget § 5-3 gjelde. Forslaget går fram av § 5-7 andre ledd.

#### 11.7.3.3 *Reglar om saksbehandling for skjønn etter reindriftslova behandla av jordskifteretten*

Gjeldande reglar for korleis jordskifteretten skal behandle det ein kallar skjønn i reindriftslova, er etter måten kompliserte. Det er stort behov for forenklingar.

Gjeldande jordskiftelov § 6 a inneheld ikkje berre reglar om den formelle kompetansen jordskifteretten har til å halde det ein i dag kallar skjønn etter reindriftslova og til å ta avgjerd etter reindriftslova § 59 fjerde ledd. Gjeldande jordskiftelov § 6 a inneheld òg reglar for korleis desse sakene skal behandlast. Departementet meiner det er ei dårleg løysing å ha ein paragraf som inneheld både reglar om kompetansen (materielt innhald) og reglar om saksbehandlinga. Ei slik løysing gjer det vanskeleg å finne fram i lova. I departementets forslag til ny jordskiftelov skil ein gjennomgåande mellom materielle reglar og reglar om saksbehandling. Departementet meiner dette gir ein betre systematikk i lovverket.

Reglane for jordskifte gjeld for skjønn etter reindriftslova og avgjerd etter reindriftslova § 59 fjerde ledd så langt dei høver, sjå gjeldande jordskiftelov § 6 a andre punktum. Med unntak av § 6 b i gjeldande jordskiftelov (som gjeld reglar om saksbehandling for skjønn etter jordskiftelova § 6) gjeld reglane i gjeldande jordskiftelov for behandlinga av det ein i dag kallar skjønn etter reindrifts-

lova, samt § 26 i skjønnsprosesslova. Ved anke til jordskifteoverrett gjeld dessutan § 32 fjerde ledd og § 35 i skjønnsprosesslova for overskjønnet.

Departementet foreslår i § 5-7 reglar for behandlinga av skjønn og andre avgjerder etter andre lover. Det blir vist til desse reglane i forslaget til ny § 70 b i reindriftslova. Skjønn og andre avgjerder etter reindriftslova i samband med sak for jordskifterett, blir behandla etter reglane i lovforslaget kapitla 1, 2, 6 og 8. I tillegg gjeld lovforslaget § 7-1 og § 7-10. Utover dette gjeld reglane for rettslege skjønn i skjønnsprosesslova så langt kapitla 1, 2, 6 og 8 samt § 7-1 og 7-10 ikkje regulerer spørsmålet. Departementet meiner dette legg til rette for heilskaplege og fleksible løysingar. Sak som går som eiga sak skal følgje reglane i skjønnsprosesslova. I lovforslaget § 5-7 første ledd fjerde punktum foreslår departementet å føre vidare dei særlege reglane for behandlinga av saker etter reindriftslova § 59 fjerde ledd og dei særlege reglar for behandlinga av saker om erstatning for skade valde av rein etter reindriftslova § 70.

Departementet er samd med Justisdepartementet i at høyringsforslaget til arbeidsgruppa ny § 70 inneber ei realitetsendring. Etter gjeldande jordskiftelov § 6 a gjeld same reglar om saksbehandling, anten skjønn etter reindriftslova blir halde som eiga sak, eller i samband med jordskifte. Saksbehandlinga skal følgje reglane i jordskiftelova supplert med skjønnsprosesslova § 26.

Etter høyringsforslaget ny § 70 a, jf. høyringsforslaget § 5-5, skal reglane om saksbehandling bestemmast av om skjønnet blir halde i samband med jordskifte eller som eiga sak. Departementet foreslår at jordskifteretten skal behandle dei aktuelle spørsmåla knytt til reindriftslova etter lovforslaget kapittel 1, 2, 6 og 8 samt § 7-1 og § 7-10, og reglane i skjønnsprosesslova når reglane i jordskiftelova ikkje regulerer spørsmålet, når spørsmålet oppstår i samband med sak for jordskifterett. Forslaget inneber at spørsmåla skal behandlast etter skjønnsprosesslova når dei skal behandlast som eiga sak. Departementet kan ikkje sjå at endringa sett rettstryggleiken til partane i fare. Departementet meiner det er ein fordel å ha dei same reglane for avgjerder etter reindriftslova som for andre avgjerder jordskifteretten tek etter særlover. Det gir enklare reglar enn om ein har ei særordning for saker etter reindriftslova.

Skjønn etter reindriftslova har i tillegg eigne prosessreglar i gjeldande jordskiftelov § 6 a og reindriftslova § 70. Departementet foreslår å føre desse reglane vidare med redaksjonelle endringar.

Jordskifteretten kan behandle alle sakene dei har kompetanse til å avgjere etter reindriftslova som eiga sak. Det går fram av lovforslaget § 5-7 andre ledd at saker jordskifteretten behandlar som eiga sak etter reindriftslova skal følgje reglane for rettsleg skjønn i skjønnsprosesslova. Dei særlege reglane om saksbehandling i reindriftslova § 58 andre og sjette ledd og § 70 blir ført vidare. Dei særlege reglane om saksbehandling kjem i tillegg til reglane i skjønnsprosesslova for eiga sak etter reindriftslova §§ 59 og 70. Dette er klart sagt i lovforslaget § 5-7 første ledd fjerde punktum.

Reindriftslova § 70 slik han er i dag, inneheld både materielle reglar og reglar om saksbehandling. Departementet foreslår å spalte opp paragrafen. Departementet meiner at reindriftslova § 70 berre skal handle om kompetansen jordskifteretten har til å avgjere spørsmål om erstatning for skade valda av rein. Departementet foreslår òg ein ny paragraf, § 70 a, der det blir sagt kva for særlege reglar om saksbehandling saker etter § 70 skal følgje. I lovforslaget § 70 b er det reglar om tilhøvet til jordskiftelova ved behandlinga av saker etter reindriftslova § 70.

Departementet har merka seg Justisdepartementets uttale om forslaget til arbeidsgruppa om å leggje reglane om saksbehandling ein i dag finn i § 70 til ein eigen paragraf. Uttalen er referert under kapittel 11.5.2.2. Justisdepartementet foreslår at høyringsforslaget til ny § 70 b skal innarbeiddast i gjeldande § 70 slik at ein framleis har ein samleparagraf som inneheld både reglar om kompetanse og reglar om saksbehandling for desse sakene. Forslaget til Justisdepartementet er ikkje nærare grunnlagt, og det er difor vanskeleg å sjå kvifor ein bør ha materielle reglar om kompetanse og reglar om saksbehandling i ein og same paragraf. Ein slik kombinasjon av ulike typar reglar, kan truleg gjere det unødvendig komplisert å tillegge seg reglane i jordskiftelova.

## 11.8 Tvist

### 11.8.1 Høyringsforslaget

Forslaget til arbeidsgruppa til reglar når det er tvist om underliggjande rettshøve, går fram av høyringsforslaget § 5-6 siste punktum. Arbeidsgruppa meiner at det ikkje er grunnlag for å endre reglane om kompetansen til jordskifteretten til å avgjere tvist. Reglane i gjeldande jordskiftelov § 17 finn ein igjen i høyringsforslaget § 5-6. Tvist som oppstår ved skjønn i samband med jordskifte,

skal etter forslaget behandlast etter den paragrafen. For skjønn jordskifteretten held som eiga sak etter reglane i skjønnsprosesslova, er forslaget at reglane for tvistar i den lova skal leggjast til grunn for behandlinga.

### 11.8.2 Høyringsinstansane

*Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler at høyringsforslaget § 5-6 synest unødvendig da jordskifteretten i høyringsforslaget § 6-19 har heimel til rettslege avgjerder, når det er nødvendig for saken. *Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* meiner òg at høyringsforslaget § 5-6 er ein unødvendig paragraf. Dei uttaler:

«Jordskifteretten har heimel i § 6-19 andre ledd til å seie dom når det er tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett o a. Dette gjeld generelt i ei jordskiftesak. Da må vel jordskifteretten ha den samme heimelen når den held skjønn som del av saka. Når jordskifteretten held skjønn som eiga sak, gjeld etter forslaget skjønnsprosesslova § 26: «Tvist om retten til og betingelsene for skjønnsforretningens fremme eller om, hvad der skal være gjenstand for skjøn, avgjøres under forretningen.» Heile § 5-6 er, slik vi ser det, unødvendig.»

*Jordskifteoverdommarane* uttaler at

«Siste punktum viser til § 26 i skjønnslova. Dette er «tvist» om heilt andre forhold enn det som er omtalt tidlegare i § 5-6. Medan første del av regelen gjeld tvistar om t.d. eigedomsgrenser og bruksrettar, gjeld siste punktum tvistar om fremme av skjønnsforretninga. Regelen i Skjønnslova § 26 gjeld uansett, sidan § 5-5 viser til prosessreglane for skjønn i skjønnslova for skjønn som eiga sak, og regelen i § 5-6 første punktum berre gjeld skjønn og jordskifte i kombinasjon. Siste punktum bør derfor takast ut. Slik det står no blir meininga uklar. I alle fall må paragrafen delast i to ledd der siste punktum blir eit eige ledd.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* gir i sin uttale uttrykk for at dei er samde i høyringsforslaget § 5-6 medan jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme gir uttrykk for at dei ikkje har merknader til høyringsforslaget.

*Jordskiftedommarane i Agder jordskiftedømme* meiner at paragrafen bør delast i to ledd. Andre ledd bør starte med «For tvistar ved skjønn ...»

### 11.8.3 Departementets vurderingar

Jordskifteretten kan etter gjeldande jordskiftelov § 17 tredje ledd avgjere tvist ved dom om eit underliggjande rettshøve i skjønns sak etter gjeldande jordskiftelov § 6 første til tredje ledd. Slike tvistar kan jordskifteretten likevel berre avgjere i den grad det er nødvendig for at skjønns saka skal kunne avgjerast. Det må dessutan liggje føre eit krav frå ein part om at jordskifteretten skal avgjere tvisten. Jordskifteretten skal etter gjeldande jordskiftelov § 17 tredje ledd avgjere tvist ved dom om grenser, eigedomsrett, bruksrett og anna i saker om rettsutgreiing og saker om grensefastsetjing etter krav frå ein part når det er nødvendig å ta stilling til tvisten for å få avgjort saka om rettsutgreiing eller saka om grensefastsetjing. Denne kompetansen foreslår departementet å føre vidare, sjå kapittel 9 og 10 og lovforslaget § 4-4.

Jordskifteretten kan halde skjønn og ta andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett. I desse sakene kan det òg vere usemje knytt til underliggjande tilhøve. Jordskifteretten må som særdomstol, ha heimel for å kunne avgjere slike tvistar. Det vil av omsyn til framdrifta i jordskiftesaka og skjønns saka vere ein fordel om jordskifteretten òg kan avgjere tvist om underliggjande tilhøve i samband med skjønn og andre avgjerder etter andre lover heimla i lovforslaget kapittel 5. Ein slik heimel foreslår arbeidsgruppa i høyringsforslaget § 5-6.

Nokre av høyringsinstansane gir uttrykk for at høyringsforslaget § 5-6 er unødvendig. Etter deira meining gir høyringsforslaget § 6-19 andre ledd jordskifteretten heimel til å ta rettslege avgjerder, når det er nødvendig for saka. Det blir hevda at dette etter høyringsforslaget gjeld generelt i ei sak for jordskifterett. Departementet viser likevel til at høyringsforslaget § 6-19 gjeld avgjerdsformene for avgjerdene til jordskifteretten. Høyringsforslaget § 6-19 er ikkje meint å skulle gi jordskifteretten heimel til å avgjere tvistar i samband med jordskifte, berre kva for form avgjerda skal ha. Meininga til arbeidsgruppa er at kompetansen til jordskifteretten til å halde skjønn skal stå i skjønnskapitlet, jf. høyringsforslaget § 5-6. Departementet ser dette på same måte som arbeidsgruppa. Departementets forslag inneber òg at ein vil finne heimelen til å avgjere tvist i samband med skjønn og andre avgjerder i skjønnskapitlet, sjå lovforslaget § 5-8.

Skjønnsprosesslova § 26 gir heimel til å avgjere tvist under skjønnsforretninga om retten til, og vilkåra for skjønnsforretninga si fremje,

eller om kva som skal vere gjenstand for skjønn. Føreseigna seier at tvist om desse spørsmåla skal avgjerast prejudisielt under skjønnsforretninga. Skjønnsprosesslova § 48 gjeld for ekspropriasjonsaker. Den seier at dersom det under ei skjønnsforretning som blir styrt av ein dommar, oppstår tvist om retten til og føresetnadene for ekspropriasjon, eller om kva som er gjenstand for ekspropriasjon, blir tvisten avgjort under skjønnsforretninga. Når jordskifteretten behandlar sak etter andre lover enn gjeldande jordskiftelov som eiga sak, gjeld desse reglane, sjå gjeldande jordskiftelov § 6 b første ledd.

Departementet meiner at jordskifteretten bør ha kompetanse til å avgjere alle tvistar som oppstår i tilknytning til skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett. Det inneber for det første at ein i det vesentlege bør føre vidare den kompetansen som jordskifteretten har i gjeldande jordskiftelov § 17 tredje ledd og som gjeld tvistar i saker etter gjeldande jordskiftelov § 6. Det kan ikkje utelukkast at det kan oppstå spørsmål om å få ei prejudisiell avgjerd av den karakter som er nemnt i skjønnsprosesslova § 26 òg i saker i samband med jordskifte. Ein tenkjer her særleg på skjønn i samband med tiltaksjordskifte og vernejordskifte. Legg ikkje vedkomande offentlege styresmakt til grunn at det skal ytast erstatning, kan jordskifteretten etter gjeldande reglar og høyringsforslaget til arbeidsgruppa § 5-1, berre halde skjønn til fastsetjing av erstatning, dersom det er rettskraftig avgjort av dei ordinære domstolane at det skal ytast erstatning, sjå gjeldande jordskiftelov § 6 andre ledd. Departementet foreslår at dette kravet skal takast bort, sjå punkt 11.5.1.3. Om det ligg føre eit erstatningsansvar, er likevel eit spørsmål som kan reisas i samband med skjønns saka. Dersom nokon påstår at det ikkje ligg føre erstatningsansvar, må skjønnsretten prejudisielt ta stilling til det etter skjønnsprosesslova § 26. Departementet meiner det bør klargjerast i jordskiftelova at jordskifteretten òg kan avgjere slike spørsmål når skjønnet blir halde i samband med sak for jordskifterett. Lovforslaget § 5-8 tredje ledd inneber ei slik klargjeriing.

Departementet foreslår etter dette ein eigen paragraf i lovforslaget kapittel 5 om tvist, lovforslaget § 5-8. Forslaget byggjer på at jordskifteretten har dei kvalifikasjonane som skal til for å avgjere dei aktuelle spørsmåla, omsyn til ein effektiv behandling av sakene for jordskifteretten og informative omsyn.

I lovforslaget § 5-8 første ledd får jordskifteretten heimel til å bruke skjønnsprosesslova §§ 26 og



48 for saker som blir behandla etter lovforslaget kapittel 5. Heimelen er såleis generell. I lovforslaget § 5-8 tredje ledd finn ein att i det alt vesentlege reglane i gjeldande jordskiftelov § 17 tredje ledd. Jordskifteretten avgjer om det er nødvendig å avgjere tvisten ved dom av omsyn til jordskiftesaka. Når omgrepa «kan» og «nødvendig» blir

brukt, slepp jordskifteretten å avgjere alt som måtte oppstå av tvistar. I lovforslaget tredje ledd andre punktum står det at jordskifteretten kan avgjere med endeleg verknad om det skal ytast erstatning som følgje av offentleg regulering av eigarrådvelde.

## 12 Reglane om saksbehandling

### *Innleiing*

Dette kapittelet omhandlar reglane om saksbehandling i den nye lova. Departementet gjer greie for dei hovudprinsippa lova byggjer på og tilhøvet mellom denne lova og tvistelova. Det blir gitt ei oversikt over reglane om saksbehandling ordna etter underkapitla i lovforslaget. Det blir vidare gitt ei oversikt over dei reglane i tvistelova som departementet meiner ikkje bør gjelde for saksbehandlinga i jordskifterettane. Svært mange høyringsuttalar omhandlar reglane om saksbehandling, og det blir gjort greie for synet til høyringsinstansane undervegs i framstillinga.

Lovforslaget skil seg frå høyringsforslaget på mange punkt, men ikkje i dei meir grunnleggjande spørsmåla. Reglane om saksbehandling er ordna slik at det er gitt ein del eigne reglar for saksbehandlinga til jordskifterettane, samtidig som det blir vist til kva for reglar i tvistelova som skal gjelde i tillegg. Nokre av reglane i tvistelova er tekne inn i ei tilpassa form, av informasjonsomsyn. Det er lagt vekt på at reglane skal kunne handterast av partar som prosederer sjølve, som det er mange av i sakene for jordskifterettane.

### **12.1 Hovudprinsippa for reglane om saksbehandling og tilhøvet til tvistelova**

#### **12.1.1 Høyringsforslaget**

Arbeidsgruppa viser til at tvistelovgivinga har gjennomgått ein omfattande revisjon. Den nye tvistelova tok til å gjelde 1. januar 2008, og avløyste tvistemålslova frå 1915. Lova inneheld dei alminnelege reglane om saksbehandling for sivile rettstvistar i domstolane. Hovudformålet med tvistelova er å gi ei meir effektiv sivil rettspleie, som gir raskare, billigare og rettare tvisteløysing for partane, sjå nærare om dette i Ot.prp. nr. 51 (2004–2005). Arbeidsgruppa viser òg til at gjeldande jordskiftelov og tvistelova byggjer på dei same prosessuelle prinsippa, og at tvistelova i stor grad er gjort gjeldande for jordskifterettane gjennom tilvisingar i enkelte paragrafar, og gjennom

den generelle tilvisingsregelen i gjeldande jordskiftelov § 97.

Arbeidsgruppa uttaler at hovudmålsetjinga for arbeidet med nye reglar om saksbehandling er den same som for utarbeiding av tvistelova. Reglane om saksbehandling må oppfylle dei krava ein i dag må kunne stille til ein effektiv, rimeleg og trygg prosess. Lova må passe med tida og tilhøva, og møte dei behov eigarar, rettshavarar og samfunnet elles har for å få løyst konkrete problem og uklare faktiske og rettslege tilhøve knytt til fast eigedom. Likeeins må lova leggje til rette for at tvistar kan løysast på ein tillitvekkande og trygg måte. Dette gjeld både i høve til materielle og prosessuelle reglar. På same måte som den ordinære sivilprosessen, må jordskifteprosessen tilfredsstille dei folkerettslege krava til ei prosessordning. Prosessen må byggje på uavhengige domstolar og ein kontradiktorisk prosess der partane får høve til å leggje saka si fram og føre bevis for sine påstandar (og sitt syn på saka om dei ikkje har direkte påstandar). Prosessen må òg byggje på likebehandling og lik tilgang til retten for partane, og på at sakene skal få ei effektiv og ikkje for kostbar behandling. Andre sentrale prosessuelle prinsipp er plikta retten har til å grunngi avgjerdene, til å gjere dei offentleg tilgjengelege og til å føre sakene for opne dører slik at allmenta kan få innsyn i kva domstolane driv med. Heilt grunnleggjande er òg retten til å anke avgjerdene til høgare rettsinstansar. Arbeidsgruppa gjer i kapittel 5.10.3. òg greie for korleis ho vurderer høyringsforslaget i høve til dei sentrale omsyna til mellom anna folkeretten, kravet til uavhengige domstolar, og sentrale prosessuelle prinsipp som kontradiksjon, likebehandling, offentlegheit, partsinnsyn og retten til prøving (anke) av avgjerdene til domstolane.

Arbeidsgruppa ser det som ønskjeleg og i tråd med mandatet å gi nye reglar om saksbehandling, som berre avvik frå tvistelova der det er gode grunnar for det. Gruppa sa det var ei rettesnor for arbeidet at den nye lova skal liggje nært opp til reglane og løysingane i tvistelova. Arbeidsgruppa foreslår berre avvik der ho meiner det er gode grunner for å ha det. Dei unntaka arbeidsgruppa

meiner er nødvendige, blei tekne inn i høyringsforslaget § 6-1.

### 12.1.2 Høyringsinstansane

Mange av høyringsinstansane er opptekne av tilhøvet mellom den nye jordskiftelova og tvistelova. Det er brei semje om at dei prosessuelle prinsippa som gjeld for den allminnelege sivilprosessen òg skal gjelde for jordskifteprosessen, og at det er behov for endringar i reglane om saksbehandling mellom anna med sikte på enklare og klarare reglar. Sjå mellom anna dei høyringsuttalane som det blir referert til i kapittel 5.2, som omhandlar behovet for revisjon av reglane om saksbehandling.

Mange av høyringsinstansane er òg opptekne av at reglane om saksbehandling i den nye lova blir tilpassa dei særlege behova ein har når det gjeld behandlinga i jordskifteretten. Særleg gjeld dette reglar om behandlinga av jordskiftesakene, der enkelte prinsipp i den sivilrettslige prosessen må fråvikast.

*Advokatforeningen* uttaler:

«Advokatforeningen imøteser en jordskiftelov som i moderne språkdrakt og med klare bestemmelser definerer jordskifterettens kompetanse og saksbehandling. Målet må imidlertid ikke være å utvide jordskifterettens kompetanse. Saksbehandlingsreglene bør legges så tett opp til tvistelovens regler som mulig, fordi tvisteloven sikrer en forsvarlig og korrekt kontradiktorisk behandling. Disse hensyn er i stor grad ivaretatt i lovutkastet.»

*Norges Bondelag* uttaler:

«Norges Bondelag er opptatt av at regelverket skal være lett tilgjengelig og brukervennlig. den forbindelse bør det søkes å oppnå færrest mulig særregler for jordskifteretten, herunder når det gjelder prosessreglene. Ved tvisteløsning som rettsutgreiing og grensegang, bør tvisteloven anvendes med mindre det er særlige forhold som taler for en annen løsning. Tilsvarende bør skjønn for jordskifteretten følge skjønnsprosesslovens regler. Det fremstår som mindre heldig at publikum skal kunne velge domstol etter hvilken prosessordning som passer best. Jordskifteretten bør i stedet velges fordi den har en særlig kompetanse som de alminnelige domstoler mangler.»

*Sør-Rogaland jordskifterett* uttaler:

«Jordskifteretten skal drive med både rettsfastsettende og rettsendrende oppgaver. For rettsfastsettende oppgaver må vanlige rettergangsregler gjelde. For rettsendrende oppgaver er det behov for egne regler, men disse må ikke bryte med de prinsippene sivilprosessen bygger på. Vi ser det som særdeles utfordrende å få til en god harmonisering av alminnelig sivilprosess og jordskifteprosess. Etter vår mening har arbeidsgruppa klart dette på en god måte.»

### 12.1.3 Departementets vurderingar

Tvistelovgivinga har gjennomgått ein omfattande revisjon. Den nye tvistelova tok til å gjelde 1. januar 2008, og avløyste tvistemålslova frå 1915. Tvistelova inneheld dei alminnelege reglane om saksbehandling for sivile rettstvistar i domstolane. Hovudformålet med tvistelova er å gi ei meir effektiv sivil rettspleie som gir raskare, billigare og rettare tvisteløysing for partane, sjå Ot.prp. nr. 51 (2004–2005). Lovforarbeida understrekar òg at det er eit mål at tvistar kan løysast utanfor domstolane, samstundes som tilgangen til domstolane skal gjerast lettare når det er behov for det. Tvistelova legg opp til ei grunneleggjande kulturendring blant dommarar, advokatar og partar, gjennom meir aktiv saksstyring frå dommarane, meir vekt på saksførebuing og kortare hovudforhandling enn det som har vore vanleg. Behandlinga av den enkelte saka skal skje etter eit proporsjonalitetsprinsipp, slik at omfanget av saksbehandlinga skal stå i samsvar med tvisten.

Gjeldande jordskiftelov byggjer på dei same grunnleggjande prosessuelle prinsippa som tvistelova, og tvistelova er i stor grad gjort gjeldande for jordskifterettane gjennom tilvising i enkelte paragrafar og gjennom den generelle tilvisingsregelen i gjeldande jordskiftelov § 97. Forslaget til ny jordskiftelov ligg òg nært opp til løysingane i tvistelova. I forslaget er det berre gjort avvik der ein meiner det er gode grunnar for å gjere dette ut i frå dei særlege behova som gjer seg gjeldande for saksbehandlinga i jordskifterettane.

Saksbehandlinga i jordskifterettane er i dag ein kombinasjon av eigne reglar og reglane i tvistelova, sjå gjeldande jordskiftelov § 97. Slik må det framleis vere. Departementet har i motsetnad til arbeidsgruppa, vald å følgje den same tilnærminga til tvistelova som i gjeldande jordskiftelov, sjå lovforslaget § 6-1, som byggjer på § 97. Dette inneber at òg den nye lova positivt seier kva for reglar i tvistelova som skal gjelde ved sida av reglane om saksbehandling i jordskiftelova. Departementet meiner at dette alt i alt gjer det

enklare både for partane og domstolane å finne ut kva for reglar om saksbehandling som gjeld. Spørsmålet er nærare omhandla i kapittel 12.2. I kapittel 12.4 gjer departementet ein gjennomgang av kva for sentrale delar av tvistelova som ikkje blir gjort gjeldande.

På same måte som den ordinære sivilprosessen må jordskifteprosessen tilfredsstillende dei folkerettslege krava til ei prosessordning. Prosessen må byggje på uavhengige domstolar og ein kontradiktorisk prosess der partane får høve til å leggje saka si fram og føre bevis for sine påstandar (og sitt syn på saka om dei ikkje har direkte påstandar). Prosessen må òg byggje på likebehandling og lik tilgang til retten for partane, og på at sakene skal få ei effektiv og ikkje for kostbar behandling. Andre sentrale prosessuelle prinsipp er plikta retten har til å grunngi avgjerdene, til å gjere dei offentleg tilgjengelege og til å føre sakene for opne dører, slik at allmenta kan få innsyn i kva domstolane driv med. Heilt grunnleggjande er òg retten til å anke avgjerdene til høgare rettsinstansar. Denne retten er likevel ikkje utan unntak, sjå reglane om krav til samtykke for anke i tvistelova §§ 29-13 og 30-4, som òg gjeld for jordskifterettane.

Departementet har i lovforslaget forsøkt å ta vare på alle dei omsyna som er nemnde ovanfor. Tilpassinga til krava i folkeretten følgjer dels ved at alle dei sentrale prosessuelle prinsippa i tvistelova òg gjeld for jordskifterettane. I lovforslaget § 1-2 er det dessutan teke inn at lova gjeld med dei avgrensingane som følgjer av folkeretten eller av avtale med framand stat.

Blant dei heilt sentrale reglane i tvistelova som ikkje er gjort gjeldande i forslaget til ny jordskiftelov, er § 1-3, som omhandlar «søksmålgjenstand, partstilknytning og søksmålsituasjon», det vil seie dei grunnleggjande vilkåra for å få ei sak i gang. Denne paragrafen passar dårleg for jordskifteprosessen, ikkje minst fordi utgangspunktet er forskjellig. Det er ikkje nødvendig at partane er i ein tvistesituasjon, det fremjast ikkje eit søksmål (stemning) på same måten og så vidare. Departementet foreslår at det i staden skal givast egne reglar om grunnleggjande vilkår for å reise sak etter jordskiftelova, sjå lovforslaget § 1-4 som regulerer kva det kan reisast sak om (søksmåls-gjenstanden), og § 1-5 som regulerar partstilknyttinga (kven som kan reise sak). Kva ei sak for jordskifteretten kan gå ut på, går òg fram av kapitla 3, 4 og 5 i lovforslaget som inneheld dei materielle reglane.

Når det gjeld «søksmålsituasjonen» meiner departementet det må vere nok med ein regel

som seier kva det kan reisast sak om. Regelen må kombinerast med eit krav til å beskrive kva partane vil oppnå med saka. I tillegg må det vere eit krav om å beskrive kva for utenleige eigedomstilhøve ein vil at retten skal bøte på, når det gjeld krav om jordskifte, sjå lovforslaget § 6-2. Ut over dette er det ikkje nødvendig med spesielle krav til godtgjering av reelt behov for å få kravet avgjort.

Tvistelova kapittel 4, 5 og 6 som mellom anna omhandlar verneting, plikter før sak blir reist og forliksrådsbehandling, er heller ikkje gjort gjeldande, fordi dei passar dårleg for jordskifteprosessen. Sjå nærare omtale i kapittel 12.4.2 til 12.4.4. Heller ikkje alle reglane i småkravprosessen er gjort gjeldande. Grunnen til det er at departementet foreslår andre måtar å halde kostnadene nede på for partane i ei sak for jordskifterettane. Sjå nærare omtale av dette i kapittel 12.4.5. Elles er alle grunnleggjande prinsipp tekne vare på. Ein del sentrale reglar i tvistelova kapittel 9 om saksførebuinga, er gjort gjeldande for jordskifterettane så langt dei høver. Fleire av «generalklausulane» i tvistelova er tekne inn i tilpassa form. Reglane i tvistelova kapittel 11 om saksstyringa er gjort gjeldande utan atterhald ut over det generelle som følgjer av «så langt dei høver». Løysinga av tilhøvet til tvistelova ligg nært opp til løysinga i gjeldande jordskiftelov.

Lovforslaget byggjer på at jordskifterettane er uavhengige domstolar på lik line med andre domstolar. Dei fast tilsette dommarane er embetsdommarar, og blir utnemnde på same måten som dommarane i det ordinære domstolssystemet, sjå nærare om dette i proposisjonen kapittel 7. Jordskifterettane er særdomstolar, sjå domstollova § 2, men det endrar ikkje noko på statusen deira i høve til å vere uavhengige domstolar. Jordskiftedommarane har det same oppseiingsvernet som andre dommarar. Tilhøva er derfor lagt til rette for at jordskifterettane skal vere uavhengige, objektive domstolar på same måten som dei ordinære domstolane.

Det at jordskifterettane er særdomstolar, med eit positivt avgrensa saksfelt knytt til fast eigedom, inneber visse avgrensingar i tilgangen til jordskifteretten. Vilråra for å bringe ei sak inn for jordskifteretten, er likevel objektive og dei knytt seg til kva for posisjon den som vil krevje saka har i høve til fast eigedom, eller i høve til rettar til fast eigedom. Det er òg slik at retten kan avvise ei sak, men denne avvisinga skal da knyte seg til at materielle eller formelle vilkår for ei sak ikkje er innfridde, sjå for eksempel kravet i lovforslaget § 3-18.

Kontradiksjonsprinsippet er retten til å kunne gjere greie for sitt syn og kunne bli kjent med og kunne imøtegå prosessmaterialet i saka. Det er eit grunnleggjande prinsipp i norsk prosesslovgiving. Dette er solid rotfesta i saksbehandlinga for jordskifterettane. Partane i ei sak for jordskifterettane skal ha den same retten til å bli hørt, til å leggje fram bevismateriale og til å argumentere og leggje fram sitt syn på saka som partane har i andre sivile saker. I visse høve tek jordskifteprosessen dette noko lenger enn den allminnelege prosessen, ved at retten i jordskiftesakene lager ulike utkast til løysingar som partane får uttale seg til, og som kan endrast ut i frå innspela til partane. Dette er ein framgangsmåte som høver godt i desse sakene der fokuset ikkje ligg på tvisteløysing, men på utarbeidinga av gode og tenlege løysingar for framtidig utnytting av eigedom og rettar. Det er da viktig at partane får høve til å gi sitt syn på løysingsforslaga, om nødvendig i fleire omgangar.

Retten til å leggje fram bevismateriale og argumentere omkring rettslege og faktiske tilhøve er den same for jordskifterettane som for dei ordinære domstolane. For bevisføringa i jordskifterettane gjeld i dag jordskiftelova § 15. Dei fleste av kapitla tvistelova har om bevis (kapitla 22–28) gjeld òg for saksbehandlinga i jordskifterettane, så langt dei høver, sjå gjeldande jordskiftelov § 97. Departementet foreslår at alle kapitla i tvistelova om bevisføring skal gjelde for saker for jordskifterettane. Det gjeld òg kapittel 21 om dei allminnelege reglane om bevis, sjå lovforslaget §§ 6-1 og 6-15.

Prinsippet om likebehandling er teke vare på både i gjeldande reglar og i lovforslaget. Det er ikkje gjort skilnad på partane i høve til å kunne fremje krav og påstandar i ei sak. Dei har òg lik rett til å eksaminere vitna til motparten, til sjølv å føre bevis, få tilgang til bevis, og til å argumentere for sitt syn på saka.

Når det gjeld bruken av verkemidla i jordskifte i høve til reindrifta, viser departementet til drøftinga i kapittel 8.6.

Retten skal foreta ei reell og forsvarleg vurdering av det framlagde prosessmaterialet innan rimeleg tid. Dette omsynet blir teke vare på i tvistelova ved dei fristreglane lova set for ulike handlingar frå partane eller retten si side. Departementet legg til grunn at saksavviklinga ikkje vil bli lenger i jordskifterettane enn i tingrettane, i saker som kan samanliknast. Jordskifterettane har på den andre sida òg saker av ein annan karakter, der saksbehandlingstida i nokre høve er lang. Dette har først og fremst samanheng med kompleksite-

ten i sakene og det store talet på partar. Den enklare og raskare prosessen som skal følgje av småkravprosessen, gjerast ikkje gjeldande for jordskifterettane. Det ligg andre element i forslaget til ny jordskiftelov som eit stykke på veg vil ivareta dei same omsyna når det gjeld enklare og billigare saksbehandling.

Tvistelova har reglar om offentlegheit og partsinnsyn i kapittel 14. Både partane og ålmenta har rett til innsyn i sakene. Dette er eit sentralt prinsipp i den sivile rettargongen som òg gjeld for saksbehandlinga ved jordskifterettane. For partane sin del gjeld retten til innsyn i prosesskriv, rettsbøker, rettsavgjerder og andre dokument i saka. Partane kan forlange kopi av dokumenta eller dei kan få dei tilsendt elektronisk. Ålmenta har rett til innsyn i rettsbøker, rettsmeklingsprotokollar og rettsavgjerder. Det gjeld visse unntak frå retten til innsyn, for eksempel i dei tilfella der det ligg føre eit forbod mot offentleggjering av rettsavgjerder, eller saka er av ein personleg karakter. Desse unntaka vil truleg i liten grad få verknad for saker som jordskifterettane behandlar.

Sjølve rettargongen skal vere offentlig, sjå domstollova § 124: «Rettsmøtene er offentlige og forhandlingane og rettsavgjørelsene kan gjengis offentlig, hvis ikke annet er bestemt i lov eller av retten i medhold av lov». Lovbestemte unntak frå denne regelen følgjer mellom anna av domstollova § 126, medan § 125 har reglar om i kva tilfelle retten kan ta avgjerd om å halde rettsmøta for lukka dører. Reglane gjeld òg for behandlinga i jordskifterettane, sjå domstollova § 2.

Dei avgjerdene jordskifterettane tek, kan angripast med rettsmiddel (anke), på same måten som avgjerdene i dei ordinære domstolane. Reglane om anke over jordskifteavgjerder er ei blanding av eigne reglar og av tvistelova sine reglar. Dette gjeld både ankeordninga slik ho er i dag, og etter lovforslaget. I forslaget til ny jordskiftelov er det òg lagt inn visse avvik i høve til den ordinære ankeordninga. Dette gjeld mellom anna samansettjinga av ankeinstansen. Likevel tek reglane samla sett like godt vare på rettstryggleiken som den ordinære ankeordninga etter tvistelova.

#### *Tvist er ikkje eit vilkår for å reise sak for jordskifterettane*

Formålet med jordskifte er å endre eigedoms- eller bruksrettstilhøve som er utenlege. For å kunne endre tilhøva, treng det ikkje liggje føre tvist mellom to eller fleire partar. Korkje gjeldande jordskiftelov eller lovforslaget har noko

krav om tvist mellom partane for at endring skal kunne skje. Jordskifteprosessen skil seg her frå eit grunnleggjande vilkår for sivile saker elles, sjå tvistelova kapittel 1. Det er heller ikkje noko krav om tvist mellom partane for å kunne reise ei sak om grenser eller om rettsutgreiing. Det kan krevjast rettsleg avklaring av grenser mellom to eller fleire eigedommar utan at partane treng å vere usamde om grensene. Det er nok at ein eller fleire partar går til jordskifteretten og ber om ei rettsleg avklaring av noko som er uklart for dei. Vilkåret for grensefastsetjing er at grensa er uklar. Dette gjer at terskelen for partane til å reise sak nok kan opplevast som lågare for jordskifteretten enn for dei ordinære domstolane. Det gjer òg at konfliktnivået mellom dei som er partar er lågare, og det er ganske vanleg at partane blir forlikte under prosessen.

Utgangspunktet for ei sak for jordskifteretten kan vere at partane er samde om eit resultat, men at dei treng medverknad frå jordskifteretten til for eksempel å dele eit brukssameige. Eit anna utgangspunkt kan vere at partane ikkje er samde om resultat, men at dei vil at jordskifteretten skal løyse ugreie eigedoms- eller bruksrettstilhøve. Eit tredje utgangspunktet kan vere at partane verken er samde om at jordskifteretten skal løyse saka, eller korleis ho skal løysast.

Det er på den andre sida ikkje noko hinder at det ligg føre ein tvist når saka blir reist, eller at det oppstår tvist seinare under behandlinga. I jordskiftesakene må retten avklare eigedomstilhøve og grenser så langt det er nødvendig for jordskiftet. Det er ikkje uvanleg at tvistar oppstår under saka. I andre høve reiser ein krav om grensesak fordi naboane er usamde, slik at saka er tvistesak heilt frå starten.

Endring av eigedoms- eller bruksrettstilhøve ved jordskifte må byggje på dei eksisterande eigedoms- og bruksrettstilhøva. Jordskifteretten har derfor eit særskilt ansvar for at grunnlaget er klart. Arbeidet med utgreiing eller klarlegging er ein sentral del av jordskifteprosessen. Arbeidet med å klarleggje er ein av grunnane til at jordskifteretten har fått heimel til grensegang og rettsutgreiing. Arbeidet skjer ved ein domstol, og mange av reglane for tvisteløysing i tingrettane gjeld. I utgangspunktet er det difor ansvaret til partane å skaffe dokument og gjere greie for saka. Ved grensesak og rettsutgreiing er dette meir framtre-dande eller viktigare enn ved jordskifte. Ved jordskifte og rettsutgreiing kan arbeidet med å greie ut og klarleggje medføre systematisering av data, for eksempel det å setje opp partshøve ut frå matrikkel og delingar. Jordskifteretten har òg

kart, måleutstyr og kompetanse som ein kan bruke aktivt for å klarleggje eller rekonstruere grensene.

Jordskifteprosessen må på bakgrunn av dette ha visse andre reglar enn dei som følgjer av tvistelova. I lovforslaget § 6-6 foreslår departementet reglar om saksstyring og planleggjing av sakene. Reglane svarer til tvistelova § 9-4 om sakstyring og plan for behandlinga. Reglane har likevel ei noko enklare form, tilpassa behovet i saker for jordskifteretten.

I høyringsforslaget § 6-19 blei det gjort eit skilje mellom tvist og ikkje tvist når det gjeld dei formene for avgjerd jordskifteretten kan bruke. Meininga er å føre vidare det skiljet ein har i gjeldande jordskiftelov mellom dom og vedtak, sjå gjeldande jordskiftelov §§ 17 og 17 a. Etter § 17 skal tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett og anna i ei jordskiftesak, og tvist i sak om grensegang og sak om rettsutgreiing, avgjerast ved dom. Når jordskifteretten skal avgjere slike spørsmål utan at det er tvist, nyttar ein forma «vedtak», sjå § 17 a. Ordninga med vedtak blei innført ved ei lovendring i 1998. Departementet foreslår at dom kan vere forma for avgjerd anten det er tvist eller ikkje, sjå nærare om dette i kapittel 12.3.4.1, og lovforslaget § 6-23 første ledd.

Omgrepet vedtak går likevel ikkje ut av lova. Av språklege grunnar brukast «vedtak» der tvistelova brukar omgrepet «beslutninger», sjå tvistelova § 19-1 tredje ledd og lovforslaget § 6-23 tredje ledd.

## 12.2 Tilhøvet til tvistelova og skjønnsprosesslova

### 12.2.1 Lovteknisk løysing

#### 12.2.1.1 Høyringsforslaget

I høyringsforslaget tek arbeidsgruppa som utgangspunkt at reglane i tvistelova skal gjelde for saksbehandlinga i jordskifterettane. Reglane i tvistelova skal gjelde så langt ikkje særlege omsyn til-seier at det er nødvendig med unntak eller særlege reglar. Dette går fram av høyringsforslaget § 6-1, der tilhøvet til tvistelova blir regulert motsett av slik det er i gjeldande jordskiftelov. Gjeldande jordskiftelov § 97 har eit sett med særskilde reglar for saksbehandlinga. I tillegg har ho ei føre-segn der særskild nemnde paragrafar og kapittel i tvistelova gjerast gjeldande, så langt dei høver. I høyringsforslaget er utgangspunktet at tvistelova gjeld så langt ho høver, og så langt det ikkje er gjort direkte unntak.

Når det gjeld skjønnsprosesslova, foreslår arbeidsgruppa i høyringsforslaget § 5-5 at reglane om saksbehandling i jordskiftelova skal gjelde for behandlinga av skjønn som blir halde i samband med jordskifte. Dersom jordskiftelova ikkje har reglar om det aktuelle spørsmålet, skal skjønnsprosesslova gjelde. For skjønn som blir behandla som eiga sak, skal berre skjønnsprosesslova gjelde.

### 12.2.1.2 Høyringsinstansane

Fleire høyringsinstansar drøfter om ein bør behalde den ordninga ein har i gjeldande jordskiftelov § 97. Gjeldande jordskiftelov § 97 seier kva reglar i tvistelova som gjeld så langt dei høver. Høyringsinstansane drøftar om ein bør speglvende dette prinsippet slik arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget til § 6-1.

*Justisdepartementet* sluttar seg generelt sett til den lovtekniske løysinga arbeidsgruppa foreslår for tilhøvet til tvistelova. Justisdepartementet uttaler:

«Justisdepartementet støtter utvalgets tilnærming til tvisteloven ved at utkastet er tett opp til tvistelovens regler og løsninger, men med enkelte unntak, jf. høyringsnotat punkt 5.10. Unntakene som det er redegjort for i punkt 5.10.4, synes velbegrunnede.»

Justisdepartementet foreslår òg at kapitlet om saksbehandling i den nye jordskiftelova skal delast inn i underkapittel for å lette oversikta over reglane.

Domstoladministrasjonen (DA) er kritisk til å speglvende prinsippet i gjeldande § 97:

«Det følger av bestemmelsens første ledd at saker etter kapittel 3 og 4 skal behandles etter saksbehandlingsreglene i kapittel 6. Av andre ledd går det fram at tvistelovens bestemmelser gjelder så langt de passer, med mindre det er gitt positive unntak i tredje ledd. Man har der ved gått bort fra dagens lovteknikk, der det positivt henvises til enkeltbestemmelser i tvisteloven, jf. jordskifteloven § 97. En av innvendingene mot dagens lovteknikk, er at man får en lang henvisningsrekke som lett kan framstå som uoversiktlig. Ved den generelle henvisningen til tvisteloven jf. lovutkastet § 6-1 andre ledd, vil store deler av tvisteloven bli gjort gjeldende for alle saker som behandles etter jordskifteloven. Formuleringen «så langt dei høver» skal forstås slik at så lenge en bestem-

melse kan bli brukt, skal den bli brukt, jf. høyringsnotatet s. 92-93. Vi kan ikke se at det er foretatt en systematisk gjennomgang av tvistelovens bestemmelser med tanke på hvor godt de vil fungere ved behandling av jordskiftetrettenes saker.»

### *Jordskifteoverrettane* uttaler

«Grensesnittet mellom tvistelov og jordskiftelov er i dagens lov løyst ved å vise til dei lovparagrafar i tvistelova som også skal gjelde for jordskifte så langt det høver, jf § 97. I utkast til ny lov er dette prinsippet forsøkt snudd slik at reglar som ikkje gjeld for jordskifte er særleg nemnt i § 6-1. Resterande reglar i tvistelova skal gjelde «så langt det høver»...»Så langt det høver» er forklart i høyringsnotatet på side 92-93: «At resten av lova gjeld så langt ho høver, inneber m.a. at der tvisteloven kan bli nytta, skal den bli lagt til grunn, og der reglane ikkje høver, får dei ikkje verknad sjølv om dei ikkje er positivt unntatt i utkastet § 6-1 tredje ledd. Dette gjer det i noko grad opp til domstolen å finne ut kva for reglar som gjeld for saksbehandlinga, men arbeidsgruppa har vald å gjere det slik for ikkje å få alt for kompliserte reglar om forholdet mellom lovene. Når det gjeld omgrepet «så langt det høver», er altså tydinga den at dersom ein regel kan bli brukt, så skal han bli brukt». Konsekvensen vil bli at ei lang rekkje reglar som tidlegare ikkje har vore gjeldande i jordskifteprosessen, no blir gjort gjeldande og skal brukast. Slik vi forstår lovforslaget blir t.d. tvistelova § 9-3 gjort gjeldande etter dei nye reglane. Her blir hovudregelen at partane skal få pålegg om skriftleg tilsvar med fråværsdom som resultat dersom tilsvar ikkje blir gitt innan fristen. Dette er reglar som positivt må vere unntatt, og som vil høve svært dårleg når det store fleirtalet er sjølvprosederande partar. Vi vil derfor stille spørsmål ved om ein heller burde byggje vidare på gjeldande system, der tilvisinga til tvistelova er uttømmende, og der retten i tilfelle tilvisinga ikkje fangar opp alle forhold må nytte lova analogt.»

### *Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* uttaler:

«Vi er enige i utgangspunktet om at jordskifteloven går foran tvisteloven der dette går klart fram av jordskifteloven. Vi er imidlertid usikker på om speilvendingsprinsippet som innføres i forhold til tvisteloven er gunstig. Etter vårt

syn er henvisning til hvilke bestemmelser som gjelder, som i dagens lov, et bedre alternativ. Da unngår en at bestemmelser som ikke egner seg for jordskifteprosessen påberopes. Det er videre enklere for en selvprosederende part å forholde seg til en slik henvisningsparagraf.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* uttaler:

«§ 6-1 er etter vår oppfatning en rettesnor for koplingen til tvisteloven. Paragrafen er bra! Prinsippet om at tvistelovens regler om saksbehandling «gjelder så langt den høver», er videreført fra dagens lov. Vi ser det som grunnleggende og viktig at denne formuleringen blir med i den nye jordskifteloven. Når det er sagt, kan vi ikke se at det er noe poeng i å fremheve tvisteloven mer enn nødvendig. Dersom formålet med en såpass utstrakt henvisning til tvisteloven er å gi partene veiledning, vil det være bedre å formidle et slikt budskap i formen – informasjonsskriv. Et slikt informasjonsskriv må utarbeides sentralt, og det kan følge forkynning av ny sak eller innkallingen til første rettsmøte.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler:

«Videre stiller vi spørsmål til både positiv og negativ avgrensning av hvilke regler som gjelder i tvisteloven. Lovutkastet til paragraf 6-1 har prisverdig oppstilling av hva som ikke gjelder i tvisteloven. I utkastet til ny lov er det også henvisninger til det motsatte, hvilke regler som gjelder i tvisteloven. Så vidt vi kan se gjelder det henvisninger i lovutkastet §§ 6-7, 6-8, 6-12, 6-13, 6-14, 6-15, 6-16, 6-18, 6-21 og 6-23. Dette kan gi grunnlag for misforståelser og unødige prosesser. I tillegg blir loven unødig lang. Positiv henvisning har neppe interesse for selvprosederende parter, kun for prosessfullmektiger og dommere, som kan lese tvisteloven selv. Vi ber derfor lovgiver å vurdere om positiv henvisning er nødvendig.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* uttaler:

«Forslaget representerer en speilvendning i forhold til dagens jordskiftelov, jfr. § 97 der det er listet opp hvilke bestemmelser i tvisteloven som skal gjelde «så langt dei høver». Speilvendingen medfører at en lang rekke bestemmel-

ser i tvisteloven som tidligere ikke er gjort gjeldende nå kommer med. »

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* uttaler:

«Me er usikre på om reglane i tvistelova §§ 9-13 til 9-17 bør gjerast gjeldande for jordskiftesaker. Reglane høver sjølv sagt for forhandlingane der det skal avseiest dom og ordskurd, men høver mindre godt i jordskiftesaker».

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme og Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner det bør takast inn ein ny bokstav i § 6-1 med unntak for tvistelova §§ 9-13 til 9-17 om hovudforhandling, med mindre det skal avseiest dom etter høyringsforslaget § 6-19 andre ledd. Det bør òg takast inn eit unntak for tvistelova § 16-16 bokstav b og c som gjeld stansing av ei sak når parten dør eller «saksøkerens bo tas under konkursbehandling, dersom tvistegjenstanden inngår i bomassen». *Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner tvistelova § 16-16 bokstav b og c kan vere naturlege å bruke i saker med få partar, mens desse reglane kan lamme fullstendig ei sak med mange partar. Det er uproblematisk at buet inngår som part i staden for avdøde eller selskapet som går konkurs. Ved privat skifte går arvingane inn som partar.

*Sør-Trøndelag jordskifterett* tar opp spørsmålet om litispensens og uttaler:

«Etter forslaget § 6-1 gjelder tvisteloven med visse unntak. Det betyr at tvisteloven § 18-2 (litispensens) gjelder. Dermed er alle saker litispensente for jordskifteretten straks de er innkommet. Dvs. både grense/rettsutgreiing og jordskiftesaker. Vi har ingen innvendinger til det.»

*Norges Bondelag* uttaler:

«Norges Bondelag er opptatt av at regelverket skal være lett tilgjengelig og brukervennlig. I den forbindelse bør det søkes å oppnå færrest mulig særregler for jordskifteretten, herunder når det gjelder prosessreglene. Ved tvisteløsning som rettsutgreiing og grensegang, bør tvisteloven anvendes med mindre det er særlige forhold som taler foren annen løsning. Tilsvarende bør skjønn for jordskifteretten følge skjønnsprosesslovens regler. Det fremstår som mindre heldig at publikum skal kunne velge domstol etter hvilken prosessordning som pas-



ser best. Jordskifteretten bør i stedet velges fordi den har en særlig kompetanse som de alminnelige domstoler mangler. »

### 12.2.1.3 Departementets vurderingar

Departementet har same utgangspunkt som arbeidsgruppa har i høyringsforslaget. Det er at reglane i tvistelova bør gjelde så langt ikkje spesielle grunnar tilseier at det er nødvendig å gjere unntak eller gi særlege reglar. Som det går fram av kapitlet her, er det nødvendig både å avgrense kva for reglar i tvistelova ein gjer gjeldande og gi særlege reglar i den nye lova, ikkje minst av omsyn til jordskiftesakene.

Den lovtekniske løysinga i lovforslaget er likevel motsett av høyringsforlaget. Departementet meiner ein bør føre vidare den lovtekniske løysinga i gjeldande jordskiftelov § 97, sjå lovforslaget § 6-1 andre ledd. Denne løysinga har vært gjeldande i lengre tid, og den er difor godt innarbeidd i praksis. Etter lov om jordskifte o.a. av 22. desember 1950 § 108 skulle eit utval av reglane i tvistemålslova gjelde på tilsvarende måte i jordskiftesaker så langt dei høver. Ein liknande regel blei tatt inn i gjeldande jordskiftelov i 1979. Regelen i gjeldande lov blei ajourført med tilvisingar til tvistelova i 2008. Med lovforslaget unngår ein på den andre sida den dobbelttilvisinga som følgjer av gjeldande § 97 første ledd bokstav a og b. Departementet meiner lovforslaget slik sett blir meir presist enn gjeldande lov.

Departementet meiner lovforslaget gir den beste tilnærminga til den nye tvistelova. Det blir eit avgrensa og klart angitt tal reglar å halde seg til, noko som gjer det lettare for partane og jordskifterettane å finne fram til kva for reglar som gjeld for saksbehandlinga. Fleire av høyringsinstansane uttaler at med høyringsforslaget vil mange fleire reglar i tvistelova gjerast gjeldande enn i dag, òg reglar som ikkje passar så godt. Eksempel på uttalar er uttalanane frå Domstoladministrasjonen, jordskifteoverrettane og jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme. Departementet er samd i desse innvendingane.

Om tilvisinga i den nye lova ikkje fangar opp alle tilhøve, må løysinga, slik jordskifteoverrettane uttaler, bli at ein nyttar tvistelova analogt. Dette tek vare på omsynet til fleksibilitet i reglane, og det er slik det har vore i lengre tid no.

I § 6-1 andre ledd står det at reglane i tvistelova gjeld «slik det går fram av paragrafane i lova

her og elles så langt dei høver». Fleire stader der det er vist til tvistelova, vil ein kunne leggje reglane til grunn slik dei lyder, medan ein i andre tilfelle må gjere ei nærare vurdering av kor langt dei høver. Korleis ein bør handtere dette, går fram av samanhengen i dei enkelte paragrafane.

Departementet meiner ein kan gjere gjeldande noko fleire reglar i tvistelova enn det som er tilfellet i dag. Dette gjeld mellom anna delar av kapittel 12 om prosesskriv, kapittel 17 om fastsetjing av verdien på ein tvistegjenstand, kapittel 30 om anke til Høgsterett, og dessutan § 10-5 første og andre ledd om sakskostnader.

Nokre av reglane i tvistelova er skrivne inn i forslaget til ny jordskiftelov i ei omarbeidd form. Dette blir gjort for på den eine sida å få inn i lova reglar som inneheld heilt sentrale prosessuelle prinsipp, samstundes som ein gir desse reglane ei utforming som passar for dei sakene jordskifteretten skal behandle. Eit slikt eksempel er tvistelova § 9-4 som har viktige reglar om saksførebuinga, men som ikkje passar i den forma paragrafen har i tvistelova, sjå lovforslaget § 6-6. Andre eksempel er tvistelova §§ 8-1 og 8-2 om minneleg løysing og mekling, sjå lovforslaget § 6-17, og tvistelova § 11-1 om grunnlaget for avgjerdene til retten, sjå lovforslaget § 6-14.

Enkelte sentrale delar av tvistelova blir ikkje gjort gjeldande. Dette gjeld mellom anna visse grunnleggjande vilkår for prosess for domstolane (tvistelova § 1-3). Det gjeld òg reglane om pliktene til partane før ei sak blir reist (tvistelova kapittel 5), og dessutan reglane om behandling i forlikrådet (tvistelova kapittel 6) og småkravsprosess (tvistelova kapittel 10). Departementet gjer greie for desse unntaka og fleire andre unntak i kapittel 12.4.

Når det gjeld behandlinga av skjønn og andre avgjerder etter andre lover, foreslår departementet at reglane i lovforslaget kapittel 1, 2, 6 og 8 skal gjelde så langt dei høver, når skjønn blir behandla i samband med jordskifte, sjå lovforslaget § 5-7. Reglane i skjønnsprosesslova skal likevel gjelde i tillegg så langt jordskiftelova ikkje har reglar om behandlinga. Skjønn og andre avgjerder jordskifteretten tek som eiga sak, skal følgje reglane i skjønnsprosesslova. For skjønn jordskifteretten held etter reindriftslova, gjeld i tillegg reindriftslova § 70 a. Reglane om saksbehandling for skjønn og andre avgjerder er nærare behandla i kapittel 11.7.

## 12.3 Reglane om saksbehandling i den nye jordskiftelova

### Strukturen i kapitlet om saksbehandling

Departementet vel ei anna redigering av kapittel 6 Reglar om saksbehandling, enn det arbeidsgruppa foreslår. Departementet gjer endringane mellom anna etter innspel frå *Justisdepartementet*, som uttaler:

«Slik lovtkastet kapittel 6 nå fremstår, er det ikke uten videre enkelt å skaffe seg en oversikt over gangen i saksbehandlingen samt den samlede reguleringen av saksbehandlingen ved jordskifterettene. Vi foreslår derfor – i tråd med den lovtekniske løsningen i lovtkastet kapittel 3 – at også kapittel 6 inndeles i underkapitler. Tematisk skisseres følgende mulige underkapitler: I Forholdet til tvisteloven. Verneing. Partstilknytning mv., II Saksforberedelsen, III (Slutt)Behandlingen i rettsmøte, IV Generelle bestemmelser, V Rettslige avgjørelser, rettsforlik, rettskraft og tvangskraft, VI Bevis og VII Øvrige saksbehandlingsregler. Den nærmere plassering av de enkelte bestemmelser vil i stor grad gi seg selv, samt at tvistelovens oppbygning og nærmere inndeling kan nyttes som rettesnor.»

Fleire andre høyringsinstansar foreslår òg endringar i redigering og inndeling i underkapittel, mellom anna *Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* og *Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme*. *Domstoladministrasjonen* ber òg departementet sjå nærare på oppbygginga av kapittel 6, og foreslår ei inndeling av kapitla slik det er gjort i høyringsforslaget kapittel 3 eller i tvistelova, det vil seie ei inndeling med kapittel og underkapittel.

Departementet er samd med høyringsinstansane i at ei inndeling av saksbehandlingskapitlet i underkapittel vil gi ei ryddig og god oversikt over reglane. Departementet har vald ei løysing som ligg nokså nær opp til forslaget frå Justisdepartementet.

Gjennomgangen av forslaget til reglar om saksbehandling nedanfor følgjer den same inndeling, men slik at ein startar med del II om førebuing av saka. Del I om tilhøvet til tvistelova og skjønnsprosesslova, og lovforslaget § 6-3 om verneing, er omhandla ovanfor under kapittel 12.2.

### 12.3.1 Førebuing av saka

#### 12.3.1.1 Krav om sak. Formkrav og innhaldskrav

##### 12.3.1.1.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i §§ 6-7 og 6-8 reglar om forma og innhaldet i dei krava som skal setje i gang ei sak for jordskifteretten. Arbeidsgruppa viser til at det ikkje følgjer av gjeldande jordskiftelov at krav skal setjast fram skriftleg. Det følgjer likevel av rettleiing for utføring av jordskiftesaker av 1. mai 1991 punkt. 2.1 at det er utarbeidd eit skjema for slike krav (M-140). Jordskifterettane har tidlegare, etter analogi med tvistemålslova § 119, gitt partane hjelp med å setje opp krava skriftleg med underskrifta til rekvirentent, og med opplysing om at kravet er sett opp med hjelp av jordskifteretten. Tvistelova har føresegnar om forma på søksmål i § 9-2 (1). Tvistelova § 12-1 har generelle reglar om prosesskriv.

Arbeidsgruppa meiner at den nye jordskiftelova bør ha uttrykkelege føresegnar om forma på kravet om jordskifte, og på andre prosesshandlingar som vil versere i ei sak for jordskifteretten. Arbeidsgruppa meiner at det ikkje er nødvendig med strengare krav til forma på krav om jordskifte, enn det er for prosesshandlingar i den ordinære sivilprosessen. Reglane bør difor vere slik at krav kan fremjast munnleg og med plikt for retten til å setje opp kravet skriftleg når det kjem frå sjølvprosederande parter.

Arbeidsgruppa meiner at det er rett å halde fast ved kravsomgrepet i gjeldande jordskiftelov. Dette gjer at ein må gi reglane om innhaldet i kravet ei litt anna utforming enn i tvistelova. Arbeidsgruppa foreslår slike reglar i høyringsforslaget § 6-8.

##### 12.3.1.1.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* meiner at reglane i høyringsforslaget om formkrav og innhaldskrav kan bli slått saman, omredigert og forenkla. Justisdepartementet uttaler òg:

«Bestemmelsene i lovtkastet §§ 6-7 og 6-8 regulerer i noen grad også utformingen av andre prosesskriv enn selve kravet om sak for jordskifteretten, noe som ikke harmonerer med overskriftene. Etter vår vurdering er det tilstrekkelig med en særskilt regulering av formkravene til og innholdet i det innledende prosesskrivet hvor sak kreves. For de senere prosesskrivene mener vi at henvisningen i lovtkastet § 6-1 til tvistelovens regler, supplert med de særlige saksbehandlingsreglene i

utkastet til kapittel 6 for øvrig, er tilstrekkelig. ... Formålet med bestemmelsen i tvisteloven § 9-2 tredje ledd tredje punktum om at saksøkerens argumentasjon ikke skal gå lenger enn det som er nødvendig for å ivareta disse hensynene, er å hindre at stevningen flyter ut i en omfattende skriftlig prosedyre. Unntaksvis kan en unødig omfattende argumentasjon gi grunnlag for pålegg om retting. Formuleringen i lovutkastet § 6-8 første ledd tredje punktum tyder på at arbeidsgruppen har tenkt at denne begrensningen ikke skal gjelde i saker om jordskifte, rettsutgreiing eller i grensesaker. Justisdepartementet ber Landbruks- og matdepartementet vurdere om det er behov for særregelen i lovutkastet § 6-8 første ledd tredje punktum.»

*Domstoladministrasjonen (DA)* meiner høyringsforslaget går for langt i å gjere tvistelova gjeldande i høve til formkrava til eit krav om sak:

«Etter den generelle henvisningen i utkastet § 6-1 andre ledd er tvisteloven kapittel 9 og 12, med unntak av § 12-1 fjerde ledd, gjort gjeldende for saker etter den nye jordskifteloven. DA mener det kan være grunn til å stille andre formkrav til partenes skriftlige innlegg i saker som går for jordskifteretten sammenlignet med saker som går for de alminnelige domstolene. Det bør etter vår oppfatning vurderes å gjøre unntak fra bestemmelser om dette i tvisteloven kapittel 9 og 12. Vi vil derfor anbefale lovgiver å vurdere om det i § 6-7 bør gis en spesialregel om de formkrav som skal stilles til krav om sak for jordskifteretten. Slik § 6-7 er utformet i lovutkastet, er den ikke å anse som en spesialregel som unntar fra tvisteloven.»

DA meiner vidare at reglane om krav til innhaldet i sakskravet ikkje bør vere så strenge som i tvistelova. DA uttaler:

«Ved utformingen av denne bestemmelsen bør det tas hensyn til at jordskifterettene har mange selvsproderende parter. Det bør ikke stilles så strenge krav til innholdet i et krav at mange parter finner det nødvendig med advokatbistand. Bestemmelsen kan derfor med fordel forenkles og kortes ned. Utkastet innbærer en vesentlig skjerping i forhold til jordskifteloven § 12 første ledd.»

*Jordskifteoverrettane* uttaler til høyringsforslaget § 6-8:

«Ved krav om sak for jordskifteretten vil det vere viktig å sette fokus på kva problem parten ynskjer løyst og mindre fokus på ei endeleg løysning. Det vil vere prosessen som legg grunnlaget for ei best mogleg løysing og det vil vere mindre formålsteneleg at partane har festa seg i ei endeleg løysning før alle partar har kome til ordet. Vi føreslår derfor ei endring av ordlyden i første og andre ledd: «Krav om sak for jordskifteretten skal seie kva problem som skal løysast. Innhaldet i kravet må vere slik at dei andre partane kan ta stilling til kravet og førebu seg på saka. Kravet skal gje jordskifteretten grunnlag for å vurdere om retten kan behandle saken. Kravet skal så langt det er mogleg vise det geografiske området det omfattar. Området bør bli vist på kart.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner reglane i høyringsforslaget §§ 6-7 og 6-8 kan forenklast og omredigerast. Det same meiner *Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme*. Dei har konkrete forslag til ordlyden. Dei peikar mellom anna på det viktige skiljet mellom sak for jordskifteretten og vanlege sivile saker:

«Ved jordskifte er det ikke krav om tvist og følgelig heller ikke krav om påstand. Eiere mv. gir seg langt på vei selv ut fra det arealet eller problemet som ønskes behandlet. I sivilprosess er parter og påstander i kravet langt mer sentralt.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner òg høyringsforslaget skjerper formkrava:

«Det er henvisning til tvisteloven § 12-2 og det gjør formkravet unødvendig rigorøst. Også tvisteloven § 9-2 har flere bestemmelser om stevningens (kravets) innhold. Er unødvendig og bør gjøres unntak for i jordskifteloven § 6-1. Det passer ikke for jordskiftesaker (kap. 3). Kan til nød gå an for grensegang/rettsutgreiing. Jordskifteretten må ikke bli arena kun for advokater.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* meiner formkrava blir skjerpa, men er ikkje sikker på om praksisen blir endra så mykje om det framleis skal brukast skjema for krav om sak. Dei uttaler òg:

«Formkravene må ikke gjøres slik at det oppfattes som et hinder for å kreve sak. Det er viktig at terskelen for dette fortsatt er relativt lav

slik at en unngår økt bruk av advokater og stor økning i antall muntlige henvendelser for oppsett av krav. Jordskifteretten bør fortsatt være en arena for selvprosederende parter.»

Dei meiner òg at krav til innhald i krava blir skjerpå i høve til dagens § 12, og uttaler:

«Vi har ikke merknader til de kravene som er anført i bestemmelsen. Det er stort sett opplysninger det er naturlig å ta med i et krav og vil kunne styres gjennom utforming av skjema for krav om sak. Det som er mest betenkelig er at det er tatt inn en henvising til tvistelovens § 12 – 2 som også skal gjelde for alle skriv til retten under sakens gang. Dette kan jo passe brukbart for tvistesaker, men er etter vår mening uheldig i forhold til de rettsendrende sakene der fokus på tvistesporsmål ikke bør være mest framtreddende. Dette gjelder også rettsfastsettende saker uten tvist. Det må fortsatt være slik at en part kan sende inn et vanlig brev til jordskifteretten der han/hun gir uttrykk for sine synspunkter.»

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* viser òg til omsynet til sjølvprosederande partar når det gjeld krava til form og innhald i krav om sak:

«Med tanke på den store andelen selvprosederende parter er det viktig at formkravene ikke er for strenge. Muligheten for fortsatt bruk av skjema er i så måte en god løsning. I og med at kravskjema ikke kan benyttes ved tingretten, kunne dette gjerne vært nevnt i lovteksten.»

Når det gjeld innhaldskrava uttaler dei:

«Bestemmelsen er ny og innebærer en skjerpelse i forhold til dagens § 12, men slik bør det også være. At tvisteloven § 12-2 skal gjelde ved senere prosesskriv synes for strengt. Det bør fortsatt være mulig for en part å skrive et vanlig brev til jordskifteretten der de gir uttrykk for sine meninger.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* peikar på behovet for omredigering og endringar av visse formuleringar. Når det gjeld innhaldet i krav om sak, meiner dei at gjeldande jordskiftelov § 12 kanskje er bra nok, men at paragrafen treng visse omskrivingar.

### 12.3.1.1.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner den nye jordskiftelova bør ha uttrykkelege føresegner om forma på kravet om sak, anten det gjeld krav om jordskifte, grensesak eller rettsutgreiing. Lova bør likeeins ha reglar om innhaldet i kravet. Reglane må tilpassast sakene for jordskifteretten. Dette er gjort i lovforslaget § 6-2. Der har departementet sett saman og forenkla reglane i høyringsforslaget §§ 6-7 og 6-8. Reglane er dermed òg betre tilrettelagt for sjølvprosederande partar, slik fleire av høyringsinstansane meiner det er behov for.

Departementet er samd med arbeidsgruppa i at det er rett å halde fast ved omgrepet «krav» når det gjeld sak for jordskifteretten. Gjeldande jordskiftelov bruker omgrepet «krav» og ikkje «stemning» (stevning) eller «søksmål», mellom anna fordi ein ikkje nødvendigvis har å gjere med ein tvist. Dette gjer at reglane om innhaldet i kravet må få ei litt anna utforming enn i tvistelova.

Meininga med reglane i lovforslaget § 6-2 er til saman å erstatte reglane i tvistelova § 9-2 og § 12-2 om innhaldet i stemming og andre prosesskriv, sjå mellom anna uttalen frå Domstoladministrasjonen (DA). DA meiner det er nødvendig med spesialreglar for saker for jordskifterettane. Sør-Trøndelag jordskifterett, jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme åtvarar mot at tvistelova § 12-2, som inneheld formkrav til prosesskriv i sivile tvistar, blir for rigorøs for dei sjølvprosederande partane ved jordskifteretten. Det blir mellom anna peika på at partane må kunne ytre seg overfor jordskifteretten i vanlege brev. Departementet foreslår difor at tvistelova § 12-2 ikkje skal gjerast gjeldande for saker for jordskifteretten. Reglar om form og innhald for sjølve kravet om sak, følgjer nå av forslaget § 6-2. Reglane om merknader til krav om sak og om saksbehandlinga følgjer av §§ 6-5 og 6-8 i lovforslaget. Departementet meiner desse reglane til saman er godt tilpassa behovet for saker for jordskifterettane, og at dei ikkje stiller for strenge eller rigorøse krav til innhald og form på dei skriva partane sender til retten.

Departementet meiner at eit krav om sak for jordskifteretten i utgangspunktet bør fremjast skriftleg og at det skal vere underskrive, sjå lovforslaget § 6-2 første ledd. Eit slikt formkrav vil gjere at partane på ein betre måte får fram kva som er formålet med kravet, kven som må trekkjast inn, kva for bevis som vil bli lagt fram og så vidare. Departementet kan likevel ikkje sjå at det er nødvendig med strengare formkrav for krav om jordskifte, enn det er for prosesshandlingar i den ordi-

nære sivilprosessen. Reglane bør difor vere slik at krav òg kan fremjast munnleg, og med plikt for retten til å setje opp kravet skriftleg når det kjem frå sjølvprosederande partar. Det ein kan diskutere, er om kravet tvistelova har om skriftlege prosesshandlingar skal gjelde der parten i jordskiftesaka er representert ved advokat. Departementet meiner som arbeidsgruppa at ein òg i slike høve bør følgje systemet til tvistelova. Det inneber at kravet da i tilfelle må fremjast skriftleg, sjå tvistelova § 12-1 andre ledd som lovforslaget § 6-2 første ledd viser til. Både papirbaserte og elektroniske dokumenter reknast som skriftlege. For bruk av elektronisk kommunikasjon, under dette elektronisk signatur, legg departementet til grunn at dei same reglane skal gjelde for jordskifterettane som for dei allminnelege domstolane, jf. domstollova § 197 a. Domstollova § 197 a gir heimel til forskrifter om elektronisk kommunikasjon med domstolane.

Departementet forslår på den andre sida ulike reglar i jordskiftelova og tvistelova når det gjeld dei habilitetsproblema som kan følgje av at retten gir bistand med å setje opp prosesskriv. Tvistelova § 12-1 (4) blir ikkje gjort gjeldande, og grunngevinga for dette går fram av kapittel 12.4.6.

Det spesielle for jordskifte går særleg fram av § 6-2 tredje ledd siste punktum. Føresegna krev at parten eller partane skal gjere greie for kva for utenlege eigedomstil høve som han eller dei vil at jordskifteretten skal bøte på. Tilsvarende vilkår er ikkje teke inn for dei rettsfastsetjande sakene (rettsutgreiing og grensefastsetjing), men andre ledd bokstav d – om at parten må opplyse kva han vil oppnå med kravet – vil òg gjelde dei rettsfastsetjande sakene. Dette er ei endring i høve til i dag, men departementet meiner det kan vere hensiktsmessig at ein part gjer greie for dette allereie når kravet setjast fram.

Andre ledd i lovforslaget § 6-2, om kva for opplysningar om eigedommane, partane med meir, som kravet må innehalde, byggjer på tvistelova § 9-2 andre ledd. Føresegna er likevel tilpassa det behovet for opplysningar det er i høve til krav om sak for jordskifteretten. I andre ledd bokstav e er det stilt krav om at sakskravet skal nemne kva bevis som vil bli førte og annan dokumentasjon.

For rettsutgreiing er det i gjeldande jordskiftelov eit vilkår at slik utgreiing skal vere nødvendig av omsyn til ein rasjonell bruk av området. Departementet er samd med arbeidsgruppa i at det ikkje er grunn til å oppretthalde dette vilkåret, og fremjar heller ikkje forslag om at partane skal godtgjere dette i kravet om sak. Tredje ledd har òg eit vilkår om at kravet om mogleg skal vise kva for

geografisk område det gjeld, på eit kart, sjå uttalen frå Jordskifteoverrettane. Avgrensinga i kravet er utgangspunktet for regelen i § 6-9, som regulerer den avgrensinga jordskifteretten gjer av området for saka.

Departementet fremjar ikkje forslag om lovheimel for bruk av skjema for krav om sak. Dette er likevel ikkje til hinder for at dagens ordning med kravsskjema kan førast vidare om det skulle vere behov for det. Fordelen med eit kravsskjema vil vere at partane på denne måte kan få mykje informasjon og rettleiing om formelle og materielle vilkår for å reise ei sak for jordskifteretten. Det kan vere informasjon om det førearbeidet dei bør gjere, om litispensverknader av at eit krav er reist, og så vidare. Det fører òg til at krava får ei ryddig utforming, noko som kan gjere arbeidet enklare for jordskifterettane. Bruken av skjema vil rett nok avvike frå ordninga i tvistelova. Det store innslaget av sjølvprosederande partar i sakene for jordskifterett, gjer det likevel aktuelt å føre vidare ordninga. Noko påbod om bruk av skjema vil ikkje kunne fastsetjast slik lovforslaget er utforma.

### 12.3.1.2 Aktiv saksstyring og planlegging

#### 12.3.1.2.1 Høyringsforslaget

Tvistelova kapittel 9 inneheld dei sentrale reglane om saksførebuinga for dei ordinære domstolane. Etter tvistelova § 9-1 gjeld kapitlet for tingrettane og for lagmannsrettane når dei er første instans. Jordskifterettane er ikkje nemnde. Etter gjeldande jordskiftelov er berre nokre få av reglane i kapittel 9 gitt verknad, sjå gjeldande jordskiftelov § 97. Arbeidsgruppa meiner at reglane i tvistelova kapittel 9 om saksførebuinga i det store og heile kan leggjast til grunn ved behandlinga òg i jordskifteretten. Den generelle regelen i høyringsforslaget om tilhøvet til tvistelova (§ 6-1) inneber at føresegnene i kapittel 9 skal gjelde tilsvarende så langt dei høver. Arbeidsgruppa foreslår ikkje spesielle unntak frå kapittel 9.

Arbeidsgruppa viser elles til at gjeldande jordskiftelov § 14 fastset at jordskifteretten først skal avgjere om saka skal fremjast. Spørsmålet om fremjing blir avgjort ved eit vedtak, som skal grunngeivast. Innkalling til rettsmøte er regulert i gjeldande jordskiftelov § 13. Den første delen av saksstyringa etter gjeldande lov er behandlinga av spørsmålet om fremjing i det første rettsmøtet. Arbeidsgruppa viser òg til at den nye tvistelova legg sterk vekt på aktiv og planmessig saksstyring frå retten si side. Ansvar til retten for dette kjem særleg til uttrykk i tvistelova § 9-4.

Tvistelova § 9-4 blei ikkje gjort gjeldande for jordskifterettane ved ikraftsetjinga 1.1.2008. Derimot gjeld heile kapittel 11. Arbeidsgruppa foreslår at ein regel om saksstyringa, som tek utgangspunkt i tvistelova § 9-4, skal takast inn i den nye jordskiftelova som § 6-11. Regelen må da forenklast og skrivast om for å passe betre for jordskifterettane. Jordskifteretten skal etter forslaget leggje ein plan for den vidare behandlinga av saka, etter drøfting med partane. Arbeidsgruppa tek òg inn ein regel om at retten skal undersøkje om det er grunnlag for ei minneleg ordning. Dette er noko retten normalt vil gjere, men arbeidsgruppa meiner ein slik regel likevel kan takast med. Arbeidsgruppa viser til at tvistelova har ein tilsvarende regel for småkravsprosessen i § 10-2.

Når det gjeld rettsmøte, viser arbeidsgruppa mellom anna til tvistelova § 9-5 tredje ledd som gjer det mogleg å halde rettsmøte som fjernmøte. Tvistelova § 9-5 gir stor grad av fleksibilitet med omsyn til bruken av rettsmøte i saker for jordskifterettane.

Arbeidsgruppa viser òg til at reglane i tvistelova om hovudforhandlinga ikkje er direkte anvendelige for saksbehandlinga i jordskifterettane. Gruppa meiner at den nye jordskiftelova likevel kan gjere reglane i tvistelova kapittel 9 III – §§ 9-13 til 9-17 gjeldande, med det atterhald som ligg i uttrykksmåten «så langt dei høver». På denne måten får ein understreka at sentrale prinsipp som er lovfesta i tvistelova òg får verknad for jordskiftesprosessen. Slik høyringsforslaget blei forma, kom enkelte av desse prinsippa òg direkte til uttrykk. Det gjeld prinsippet om konsentrert, effektiv og forsvarleg saksbehandling, og prinsippet om munnlege forhandlingar med vidare, jf. høyringsforslaget § 6-15.

I høyringsforslaget § 6-11 er det òg teken inn ein nokså sjølvstøtt regel om at retten må planleggje saksbehandlinga under omsyn til tvistar og skjønn under saka. Det bør mellom anna vere ein viss notoritet omkring det at tvistar oppstår. I høyringsforslaget er det difor òg ein regel om at retten skal føre inn i rettsboka at ein tvist ligg føre, eller at det må haldast skjønn. Det at det er oppstått ein tvist, har mellom anna verknad for fordelinga av sakskostnadene, jf. høyringsforslaget kapittel 7.

#### 12.3.1.2.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* uttaler til høyringsforslaget § 6-11 om førebuing av og plan for gjennomføring av sakene:

«Vi foreslår at overskriften endres slik: 'Aktiv saksstyring. Førebuing av og plan for gjennomføring av sakene': Slik vi oppfatter lovutkastet er § 6-11, samt § 6-15 første ledd, de sentrale reglene om aktiv saksstyring. Den regulering av aktiv saksstyring som lovutkastet legger opp til, avviker noe fra tvistelovens regulering. I tvisteloven er det gitt en generalklausul om aktiv saksstyring i tvl. § 11-6, som bygges ut gjennom reglene i tvl. §§ 9-4, 9-11 (saksforberedelsen) og 9-13 (hovedforhandlingen). Vi ber om at det vurderes å innta en generalklausul om aktiv saksstyring også i jordskifteloven, og denne kan inntas i tilknytning til de generelle bestemmelsene om saksbehandling, jf ovenfor om inndelingen av saksbehandlingkapitlet. Bestemmelsen i lovutkastet § 6-11 kan i så fall rendyrkes og legges enda tettere opp til tvl. § 9-4 og inntas sammen med saksforberedelsesbestemmelsene. Gjennom den generelle henvisningen til tvisteloven blir også tvl. § 9-16 om preklusjon gjort gjeldende. Etter vår oppfatning bør det vurderes om det ikke her er på plass med særlige tilpasninger. For det første knytter tvl. § 9-16 seg an mot «avsluttet saksforberedelse» – som hovedregel to uker før hovedforhandlingen. Umiddelbart kan vi ikke se at dette passer særlig godt for saksbehandling i jordskifte. Dernest peker vi på at det ofte vil være selvprosederende parter i saker som behandles etter jordskifteloven, slik at det regimet tvl. § 9-16 etablerer om preklusjon ikke uten videre bør være lovens løsning. Muligens kan en se hen til reguleringen i småkravsprosessen hvor preklusjonstematikken nettopp i stor grad er nedtonet som en følge av blant annet hensynet til selvprosederende parter.»

*Domstoladministrasjonen (DA)* uttaler til høyringsforslaget § 6-11:

«Første ledd svarer til tvisteloven § 9-4, men er noe forenklet i forhold til denne. DA er enig i at det her er behov for å utforme en spesialregel som er tilpasset jordskifterettene. I tillegg til at det her er utformet egne forenklede regler, er det vist til at tvisteloven § 9-4 gjelder så langt den passer. Dette anses ikke som en god lovteknisk løsning. Når det er gitt en spesialregel som skal være en forenkling av tvisteloven § 9-4, kan det framstå som uklart hvilke deler av § 9-4 som likevel skal komme til anvendelse. DA mener at lovutkastet § 6-11 bør være en spesialregel som fullt ut setter tvisteloven § 9-4 til side. I andre ledd siste punktum er det fore-

slått at retten skal føre i rettsboka når det foreligger tvist eller det skal holdes skjønn. Dette kan skape praktiske problemer for jordskifterettene. En tvist kan dukke opp på et tidspunkt hvor det vil bety unødvendig ekstraarbeid å innkalle til et rettsmøte for å protokollere i rettsboka at det foreligger tvist før det vidare arbeidet med saken kan gjennomføres. Vi foreslår at det bør vurderes å ta ut siste punkt i andre ledd.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler:

«Til § 6-11 (bør bli 6-10) Førebuing av og plan for gjennomføring av sakene. I overskriften bør sakene rettes til sak. Bestemmelsen i forslaget § 6-17 tredje ledd viderefører ikke dagens § 12 tredje ledd siste punktum om at «Tilsvarende førebuing kan gjennomførast for einkilde rettsmøte under saka». Hjemmelen for å kunne holde saksforberedende møter er svært tjenlig, og må absolutt ikke bli avgrenset til å klarlegge kravet. Vi foreslår derfor at bestemmelsen opprettholdes, og mener der naturleg hører hjemme i denne paragrafen. Bestemmelsen plasseres best som annet ledd, tidligere annet ledd blir da tredje ledd.»

*Jordskifteoverrettane* uttaler:

«Til § 6-11 – Førebuing av og plan for gjennomføring av sakene. Her kan ein med fordel ta bort tilvisinga til tvl § 9-4, jf. og det som er sagt om tilvisingssystemet i lova. Paragrafen er god sjølvstendig, med ein generelle tilvising til tvistelova slik det er vist i § 6-1.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* uttaler om høyringsforslaget § 6-11:

«Dette er en ny bestemmelse etter mønster fra tvisteloven, særlig § 9 – 4. Det vektlegges at det skal skje en aktiv og planmessig saksstyring. Det har jo alltid vært arbeidsplaner i jordskifterettene så for så vidt er det ikke noe nytt. Vi mener henvisingen til § 9-4 i tvisteloven bør tas ut når de viktigste punktene er kommet med i bestemmelsen. En unngår da misforståelser i forhold til hva som gjelder. Ved å ta ut henvisingen unngår en f.eks. tidsfristen på 6 måneder som uansett vil være vanskelig å overholde i jordskifteretten. Siste avsnitt er unødvendig og kan tas ut.»

*Jordskiftedommarane i Gulating* uttaler:

«§ 6-11. Det bør vurderast om reglane om saksførebuande/ planmøte bør takast inn her. Det bør og gå klårt fram at det kan haldast fleire saksførebuande møte og på fleire stadium i saka. Siste punktum i 1. ledd er dekkja opp gjennom § 6-1, og treng ikkje takast opp at her.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler at høyringsforslaget § 6-11 er eit gjentak av reglane i tvistelova og kan takast ut, eventuelt skrivast om.

### 12.3.1.2.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner den nye jordskiftelova bør ha eigne reglar om saksstyring og førebuing av sakene. Kravet til saksstyring bør i utgangspunktet vere det same som for dei ordinære rettane, slik det går fram av tvistelova § 9-4: «Retten skal aktivt og planmessig styre saksforberedelsen for å oppnå en rask, prosessøkonomisk og forsvarleg behandling». Aktiv og planmessig styring av sakene er viktig ut i frå mange omsyn, mellom anna ei meir effektiv rettspleie med kortare saksbehandlingstid, og dermed rimelegare prosessar for partane og for samfunnet. Rask, rimeleg og forsvarleg behandling bør vere ei sjølvsgt rettesnor for alle rettsinstansar.

Dette utgangspunktet betyr likevel ikkje at det ikkje kan vere grunnlag for å vurdere særlege tilpassingar av reglane. Som det går fram av fleire høyringsuttalar, kan det vere grunn til å ha eigne reglar tilpassa behovet i jordskifterettane. Tvistelova § 9-4 treng ikkje å gjelde i tillegg. Departementet viser mellom anna til uttalane frå DA, jordskifteoverrettane og jordskifterettsleiarane i Frostating jordskiftedømme om dette.

I lovforslaget § 6-6 foreslår departementet eigne reglar om saksførebuinga etter mønster av tvistelova § 9-4. Ordlyden er utforma slik at han gir uttrykk for dei same prinsippa som tvistelova. Det innber at jordskifteretten aktivt og planmessig skal styre saksførebuinga for å oppnå ei rask, prosessøkonomisk og forsvarleg behandling. Paragrafen viser òg til tvistelova § 11-6, som er ein «generalklausul» om aktiv saksstyring. Plikta til aktiv og planmessig saksførebuing, og aktiv styring av sakene undervegs i behandlinga, er dermed klart nok framheva i lovforslaget. Lovforslaget § 6-6 er enklare utforma enn tvistelova § 9-4, og har òg karakter av å vere ein generalklausul om aktiv saksstyring, slik Justisdepartementet etterlyser i si uttale.

Etter råd frå DA har departementet ikkje teke inn forslaget til arbeidsgruppa om at retten skal føre i rettsboka når det oppstår ein tvist eller det må haldast skjønn. DA meiner det kan skape praktiske problem og ekstraarbeid for jordskifterettane å innkalle til rettsmøte for å få protokollert at det ligg føre ein tvist, før ein kan gå vidare med saksbehandlinga. Oppstår det tvist under vegs i ei sak, for eksempel under ei synfaring av grenser, må likevel den vidare saksbehandlinga ta omsyn til dette. Dersom det er snakk om ein tvist i eit enkelt og oversiktleg spørsmål, må behandlinga av tvisten kunne skje «der og da» under eit rettsmøte som allereie er i gang. Jordskifteretten kan gjere det slik dersom partane ønskjer slik behandling. Er det snakk om meir kompliserte og omfattande spørsmål, må retten leggje til rette for vanleg tvistebehandling, og planleggje behandlinga og nye rettsmøte slik at partane får tid til å førebu seg. Reglane i tvistelova § 9-13 til 9-17 vil gjelde for hovudforhandlinga, så langt dei høver, sjå lovforslaget § 6-12 tredje ledd.

Fleire høyringsinstansar peiker på behovet for å føre vidare den heimelen ein har i gjeldande jordskiftelov § 12 tredje ledd, til å halde saksførebuande rettsmøte utan at dette blir avgrensa til klarleggjing av eit krav om sak. Departementet er samd i dette, og foreslår ein eigen paragraf om saksførebuande rettsmøte, sjå § 6-7. Etter første ledd kan retten innkalle partane til saksførebuande rettsmøte på alle steg i saka. Slike rettsmøte kan òg vere fjernmøte.

Justisdepartementet meiner regelen i tvistelova § 9-16, om frist for endringar i krav og påstandar ikkje passer så godt for jordskiftesakene. Etter tvistelova § 9-16 kan ein part ikkje setje fram nye krav eller tilby nye bevis etter at saksførebuing er avslutta. Normalt vil saksførebuing vere avslutta to veker før hovudforhandlinga. Departementet er samd med Justisdepartementet i dette, når det gjeld jordskiftesakene. Det skulle på den andre sida ikkje vere noko problem at tvistelova § 9-16 gjeld for tvistane, der ein har ein situasjon som er nokså lik tvistebehandlinga i dei ordinære domstolane. I lovforslaget § 6-12 foreslår departementet at det seiast uttrykkeleg at tvistelova §§ 9-13 til 9-17 gjeld tilsvarande så langt dei høver for behandlinga av «tvist om grenser, eigedomsrett, rettar og anna».

### 12.3.1.3 Avgjerd om vilkåra for å reise sak er til stades, og om saksbehandlinga

#### 12.3.1.3.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 6-9 reglar om den kontrollen retten skal ha med vilkåra for sak. Gruppa viser til reglane i gjeldande jordskiftelov § 12 andre ledd. Av føresegna går det fram at dommaren kan avvise krav om sak av eige tiltak etter reglane i tvistelova § 16-5. Det inneber at dommaren først må gjere parten merksam på mangelen som gjer at han må avvise saka. Berre om mangelen ikkje blir retta, kan han avvise kravet. I tillegg må dommaren føre kontroll med meir generelle vilkår, som for eksempel reglane om den stadlege og saklege kompetansen til retten i høve til det kravet som reisast.

Gruppa meiner den nye jordskiftelova bør ha føresegner der det går fram at retten har eit ansvar for å granske dei grunnleggjande føresetnadene for at ei sak skal kunne behandlast. Dermed blir det òg klart for partane at manglar ved kravet kan føre til at retten avviser saka. Høyringsforslaget har òg reglar om frist for retting av manglar, om avvising av saka når manglane ikkje blir retta, om avvisning når dei materielle vilkåra for sak ikkje lenger er tilstades, retten partane har til å uttale seg før ei avgjerd om avvising, og ein regel om at samtykke frå retten er nødvendig for at partane skal kunne trekkje ei sak etter at realitetsbehandlinga har teke til.

Dei materielle vilkåra for jordskifte i dag er at eigedommane må vere vanskelege å nytte på tenleg måte og at ingen skal li tap ved eit jordskifte. Når det gjeld kontrollen med desse vilkåra seier gjeldande jordskiftelov § 14 at retten i første rettsmøte skal avgjere ved vedtak om saka skal fremjast. Dei materielle vilkåra for jordskifte går fram av jordskiftelova §§ 1 og 3, og først vidare i høyringsforslaget §§ 3-2 og 3-3. Arbeidsgruppa meiner det ikkje nødvendig med eit særskilt vedtak om fremjing. Sjå nærare om dette i kapittel 12.5.

#### 12.3.1.3.2 Høyringsinstansane

Justisdepartementet uttaler om tilhøvet til tvistelova § 9-6, som gjeld avgjerder retten må ta om saksbehandlinga:

«Forslaget om at retten ikke lenger skal fatte fremmingsvedtak, vil kunne føre til krav om avvisning i tilfeller hvor en av partene mener at vilkårene i utkastet §§ 3-2 eller 3-3 ikke er oppfylt. I slike tilfeller vil tvisteloven § 9-6 gjelde tilsvarende, jf. utkastet § 6-1 annet ledd. Etter



tvisteloven § 9-6 tredje ledd skal avvsningsavgjørelser som utgangspunkt treffes så tidlig som mulig. Men tredje ledd gir retten adgang til, på visse vilkår, å vente med å avgjøre avvsningskravet til hovedforhandlingen. Henvisingen i utkastet § 6-1 til tvisteloven må forstås slik at jordskifteretten har et tilsvarende valg, selv om det i jordskifteprosessen ikke avholdes noen hovedforhandling. Tvisteloven § 9-6 bør omtales i forslaget til bestemmelse tilsvarende utkastet § 6-9.

Femte ledd legger opp til et annet utgangspunkt for saksbehandlingen enn det som følger av tvisteloven. Etter tvisteloven § 9-6 fjerde ledd skal avgjørelser om saksbehandlingen, herunder om saken skal avvises, som utgangspunkt treffes etter skriftlig behandling. Det fremgår imidlertid av forarbeidene at blant annet avvsningsavgjørelser står i en særstilling og etter omstendighetene vil kunne nødvendiggjøre muntlig behandling, jf. EMK artikkel 6 (1) om rettergangen i sivile saker (se merknaden til bestemmelsen i Ot.prp. nr. 51 (2004–2005) side 394, hvor det vises til merknaden i NOU 2001: 32 side 752). Det kan derfor ikke ses å være noen reell forskjell mellom utkastet § 6-9 femte ledd og tvisteloven § 9-6 fjerde ledd. Det bør derfor vurderes om det er behov for særregelen i utkastet § 6-9 femte ledd, eller om det er tilstrekkelig å omtale saksbehandlingen i merknaden til bestemmelsen. Tvisteloven § 9-6 tredje ledd siste punktum kan ikke gjelde for jordskifterettene ettersom de ikke avsier frifinnelsesdommer.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler til høyringsforslaget § 6-9:

«Overskriften må presiseres til innholdet, «dei formelle vilkåra for sak». Første ledd bør forenkles. Fjerde til sjette ledd hører ikke hjemme i denne paragrafen og foreslås flyttet til ny § 6-17. Siste ledd regulerer anledningen til å trekke saka. Arbeidsgruppa presiserer i sine merknader ( s.161) at med partane blir meint alle partar, ikkje berre rekvirenten eller rekvirentane. Retten til å trekke ei sak må vel pr. definisjon ligge til rekvirenten eller rekvirentene. Leddet blir endra i forhold til dette og tatt inn i vår § 6-17.»

Fleire høyringsuttalar understrekar det viktige skiljet mellom formelle og materielle vilkår for sak etter jordskiftelova. Som formelle vilkår for sak kan for eksempel reknast at kravet fyller dei vil-

kåra som er sett for innhaldet, og at det er sett fram for den rette domstolen. For jordskiftesakene gjeld òg materielle vilkår for at ei sak skal kunne behandlast. Dette går i dag fram av §§ 1 og 3 (utenleige tilhøve og garantien mot å li tap). Er vilkåra ikkje oppfylde, vil saka ikkje bli fremja. Fleire høyringsinstansar kommenterer problematikken knytt til formelle og materielle vilkår for sak, og kva for avgjerdsformer retten bør gjere bruk av ved avvising/stansing av ei sak når det er manglar ved kravet.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* viser til at skiljet mellom formelle og materielle vilkår for sak er uklart etter gjeldande jordskiftelov:

«Både jordskifteretten, prosessfullmektiger og ikke minst selvprosederende parter, har i mange tilfeller vanskelig for å trekke opp et klart skille mellom det ene kontra det andre. Fremmingsvedtaket kommer ofte for tidlig i prosessen; dvs. før det materielle er tilstrekkelig vurdert. Vi håper derfor at man i det forestående lovarbeidet trekker opp klare skillelinjer mellom formelle vilkår og det vi kaller den materielle vurderingen. I denne sammenheng vil vi peke på at vi stiller oss bak arbeidsgruppas konklusjon om at fremmingsvedtaket bør tas ut av loven; jf. eget punkt om dette. Arbeidsgruppa har belyst de svakheter som en unødvendig, og i visse tilfeller kostbar, prosess om formaliteter, kan medføre. Enhver som har et legitimt og fornuftig krav, må ha rett til å få vurdert sitt krav om en rettsendring (jordskifteløsning), uten å stå i fare for å risikere store utgifter i en forutgående tvisteprosess om saken kan fremmes eller ikke fremmes.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner bruken av omgrepet «avvisning» i høyringsforslaget ikkje er den same som i tvistelova. I høyringsforslaget er avvising foreslått som forma på ei avgjerd som avviser ei sak anten ho blir avvist på grunn av formelle eller materielle manglar. Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme meiner ei realitetsbehandling (vurdering av materielle vilkår) som ikkje fører med seg ei endring, ikkje er ei avvising:

«Det er en realitetsbehandling der rekvirenten ikke får medhold i sitt ønske (krav) om endring fordi vilkårene for endring ikke er oppfylt. Denne vurderingen omtales gjerne som «de materielle vilkårene», utkastet § 6-9 fjerde ledd. Tidligere medførte dette at saken ble nektet fremmet på materielt grunnlag. Avgjørelsen

var et vedtak; en realitetsbehandling av kravet om endring. I senere år er kjennelse brukt, jf. bestemmelsen i tvistemålsloven § 137 andre ledd: «Andre beslutninger er kjendelser, naar loven kalder dem saa, eller naar de avslutter saken eller en selvstændig del av saken» (understreket her.) Se Austenå og Øvstedal, kommentarutgave til jordskifteloven, Universitetsforlaget 2000, side 105, nest siste avsnitt. Avvisning fordi de formelle vilkår ikke er oppfylt og avgjørelse om ikke endring, bør ikke samles i samme type avgjørelse, jf. utkastet § 6-19 femte ledd bokstav»

*Domstoladministrasjonen (DA)* kommenterer òg dette:

«Etter fjerde ledd skal «ei sak som er tatt under behandling, [...] bli avvist ved orskurd når jordskifteretten blir klar over at vilkåra for å behandle saken ikkje lenger er til stades, under dette at vilkåra for jordskiftesak i §§ 3-2 og 3-3 ikkje kan bli oppfylte». Dette strider etter vår oppfatning med utkastet § 6-19 femte ledd a). Avvisningsformen bør være forbeholdt prosessuelle grunner, og slik er det også naturleg å forstå utkastet § 6-19 femte ledd a). Det vises til våre bemerkninger til denne.

I saker etter utkastet kap. 3 skal retten foreta en vurdering av om vilkårene i §§ 3-2 og 3-3 er oppfylt. Denne vurderingen må etter DAs oppfatning regnes som en realitetsbehandling av saken. Det er ikke naturleg at retten etter å ha behandlet dette spørsmålet eventuelt skal avvise saken. Der retten tar positivt stilling til spørsmålet om vilkårene i §§ 3-2 og 3-3 er oppfylt eller ikke, er det naturleg at dette gjøres i form av en «jordskifteavgjerd», jf. utkastet § 6-19 fjerde ledd. Ved anke til lagmannsretten vil man få en mer hensiktsmessig sammensetning, ettersom dette er avgjørelser av jordskiftefaglig art.

Dersom partene fremsetter påstand om at vilkårene i §§ 3-2 og 3-3 ikke er oppfylt, må retten etter DAs syn treffe en begrunnet jordskifteavgjørelse etter å ha ivaretatt hensynet til kontradiksjon. Etter utkastet § 3-4 skal retten foreta en selvstendig vurdering av om vilkårene i §§ 3-2 og 3-3 er oppfylt eller ikke. I de tilfellene retten av eget tiltak finner at vilkårene for jordskifte åpenbart ikke er til stede, bør retten uavhengig av partenes påstander kunne treffe en jordskifteavgjørelse om at saken nektes fremmet. Det bør vurderes om de alminnelige reglene om krav til begrunnelse og forut-

gående kontradiksjon bør bli gjort gjeldende i disse tilfellene.

Dersom retten finner at vilkårene i §§ 3-2 og 3-3 er til stede, og ingen av partene har protestert mot at krav om jordskifte fremmes, legges det i utkastet opp til at retten treffer en formløse beslutning som skal føres inn i rettsboka, jf. utkastet § 6-9 sjette ledd. Dette betyr i praksis at beslutningen treffes uten en forutgående prosess med oppfordring til partene om å uttale seg til spørsmålet, og uten at retten behøver å begrunne avgjørelsen. På denne måten unngår man unødvendig prosess og tidsbruk slik man kan få med dagens fremmingsvedtak. Den formløse beslutningen i sjette ledd markerer et skjæringstidspunkt med hensyn til når partene uten rettens samtykke kan trekke saken. Videre vil den markere at rettens arbeid med jordskifteløsningen har startet. Ettersom avgjørelsen om å fremme jordskiftet også i disse tilfellene er gitt en prosessuell rettsvirkning, vil vi anbefale at departementet vurderer om det vil være mer hensiktsmessig at denne treffes i form av en jordskifteavgjørelse. For at man skal unngå ulempene med dagens fremmingsvedtak, bør det i så fall gjøres unntak fra kravet om begrunnelse og fra prinsippet om at partene skal gis en foranledning til å uttale seg.

Dersom departementet velger å opprettholde den formløse beslutningen jf. utkastet § 6-9 sjette ledd, bør det vurderes om protokollasjon er nødvendig i alle saker. Saker etter kapittel 4 bør i utgangspunktet følge tvistelovens regler. Det bør også klargjøres hva som vil være rettsfølgene av at protokollasjon ikke er foretatt. Ordet realitetsbehandling bør ikke benyttes her, da rettens vurdering av om vilkårene i §§ 3-2 og 3-3 er oppfylt må anses som en materiell vurdering av realitetene i saken.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* er òg opptekne av at lova må markere skiljet mellom formelle og materielle vilkår for ei sak, og at det er avgjerande at det blir ei jordskiftefagleg overprøving av anke over at ei sak ikkje fremjast for behandling fordi dei materielle vilkåra ikkje er innfridde:

«Utkastet synes ikkje å skilje mellom avvising og nekte fremme. Avvising skal brukast der det er formelle grunnar for ikkje å ta saka opp til behandling. Nekte fremme skal brukast når det er materielle grunnar for å ikkje ta saka opp til behandling. Det er viktig å halde på dette skiljet. Det har med overprøvinga av ei slik

avgjerd. Vi ser det som avgjerande at ei avgjerd om å nekte fremme ei sak, kan bli overprøvd av jordskifteoverretten eller det som eventuelt måtte erstatte denne. Det avgjerande må vera at det blir ei jordskiftefagleg overprøving.»

*Agder lagmannsrett* uttaler:

«Lovutkastet viderefører ikke denne sondringen mellom materielle og ikke-materielle avvisningsgrunner som operativt kriterium for valg av prosessregler ved overprøvingen. Dette er i og for seg en god ting. Kriteriet materielle grunner er uklart og har gitt opphav til en rekke tvister. Jeg er enig i at det ikke bør videreføres. Det hindrer likevel ikke at regelen innenfor sitt kjerneområde er godt begrunnet. Med materielle grunner siktes i første rekke til hovedvilkårene for å fremme jordskiftesak i jordskifteloven §§ 1 og 3; at eiendommene er utjenlige, at jordskifteretten må ha et egnet virkemiddel til rådighet, og at ingen eiendom vil lide tap (ikketapsgarantien i § 3 a). Dette er avgjørelser som må treffes på grunnlag av jordskiftefaglige vurderinger, og det er derfor gode grunner til at overprøvingen skjer ved jordskifteoverretten, ikke lagmannsretten.

De materielle vilkårene for jordskifte i jordskifteloven §§ 1-3 er i det vesentlige videreført i lovutkastet §§ 3-2 og 3-3, jf også §§ 3-6 flg. om virkemidlene. Lovutkastet innebærer at avgjørelser om å nekte saken fremmet – forkaste kravet om jordskifte – fordi hovedvilkårene ikke er oppfylt, vil bli truffet i form av en kjennelse som er gjenstand for overprøving etter reglene i § 8-2 første ledd og § 8-3 første ledd av tre fagdommere etter reglene i tvisteloven. Dette følger av lovutkastet § 8-2 første ledd, sammenholdt med definisjonen av kjennelser i § 6-19 femte ledd bokstav a og § 6-9 fjerde ledd. Den sistnevnte bestemmelsen gir uttrykkelig anvisning på at saken skal avvises ved kjennelse når jordskifteretten blir klar over at vilkårene for å behandle den ikke lenger er til stede, herunder at vilkårene for jordskiftesak i §§ 3-2 og 3-3 ikke kan bli oppfylt. Dette innebærer en vesentlig realitetsendring utover det som følger av overgangen til felles rettsmiddelinstant. Jeg tror ikke det er tilstrekkelig overveiet å endre behandlingsform i ved overprøving av disse jordskiftefaglige realitetsavgjørelsene fra jordskifteprosess til allmennprosess. Overprøvingen i lagmannsretten bør heller skje etter prosessordningen for «jordskifteavgjerd» i lovutkastet § 8-2 annet ledd, jf. § 8-3 annet ledd.

Det er ikke tilstrekkelig at lovutkastet gir førstelagmannen kompetanse til å bestemme at en av tre fagdommere skal være jordskiftelagdommer. Hvis man er enig i disse synspunktene, er det ikke til å unngå at man må videreføre et skille mellom avgjørelser om avvisning på det grunnlag at prosessuelle vilkår for å behandle saken ikke er oppfylt på den ene siden, og avgjørelser om å nekte saken fremmet fordi vilkår for jordskifte ikke er oppfylt på den annen. Det er imidlertid mulig å utforme reglene slik at man unngår uklarhetene som kriteriet «materielle grunner» er belemret med. Man bør ikke bruke uttrykket avvisning om negative realitetsavgjørelser av kravet om jordskifte, men heller bruke uttrykk som at jordskiftesaken nektes fremmet. Denne begrepsbruken har en parallell i skjønnsprosessen, hvor det er innarbeidet å sondre mellom avgjørelser om avvisning av skjønnsaken av formelle grunner etter skjønnsprosessloven § 9 og avgjørelser om å nekte skjønnskravet behandlet av materielle grunner etter § 26 eller § 48 annet ledd. Dette er riktignok avgjørelser som typisk gjelder tvister om prejudisielle rettsforhold av betydning for om skjønnet kan fremmes. Nærmere enda ligger det å sammenligne med lovbestemmelser som gir skjønnsretten kompetanse til å avgjøre om vilkårene for et inngrep eller tiltak er til stede, som for eksempel ved ekspropriasjon av privat adkomstrett etter vegloven § 53. Her vil en negativ avgjørelse begrunnet med at den nødvendige interesseovervekt ikke foreligger bli truffet i form av skjønn, altså den ordinære formen for realitetsavgjørelser. En presis løsning vil være å bestemme at avgjørelser om å nekte jordskiftekravet behandlet fordi vilkårene i §§ 3-2 eller 3-3 ikke er oppfylt, treffes i form av jordskifteavgjerd. Anvendelsesområdet for regelen vil da også falle sammen med lovutkastet § 3-5 første ledd annet punktum om sperretid, hvor det er av interesse å konstatere at jordskiftelovens § 4 er videreført med en tilsvarende endring av kriteriet «materielle grunner».

*Jordskifteoverrettene* uttaler:

«Forholdet mellom materielle og ikke-materielle vilkår har i jordskiftesamanheng skapt problem, særleg har dette vist seg ved val av rettsmiddel etter gjeldande lov. Etter vårt syn vil det også i det vidare arbeidet etter ny jordskiftelov vere naudsynt å sondre mellom materielle og formelle vilkår i lova med bakgrunn i rettens

samansetning ved ankebehandlninga. Dersom saka blir avvist av formelle grunnar, vil det som hovudregel vere naturleg å handsame dette spørsmålet etter tvistelova sitt system for anke over vedtak og orskurd. Dersom saka blir nekta fremma av materielle grunnar bør anken handsamast slik at skjønnet blir forsvarleg prøvd, etter same mønster som ved prøving av jordskifteavgjerd. Vi er samde i at det ikkje skal vere naudsynt å fatte ei grunngeven avgjerd i spørsmålet om fremme av jordskifte, når ingen av partane har protestert mot kravet. Etter gjeldande lov er slik grunngeving obligatorisk, og vi er glad for at dette kravet blir tatt vekk. Det er ein føresetnad frå vår side at jordskiftedomaren oppfyller si rådgivingsplikt, jf. tvistelova § 11-5. Det medfører at partane må bli orientert om konsekvensane av ikkje å protestere mot rekvirenten sitt krav. Rettsformannen si plikt til dette er nedfelt i tvistelova § 11-5, men i samband med regelen i § 6-9 kunne dette kanskje vore eksplisitt uttrykt også i jordskiftelova. Det følgjer vidare av dette at dersom ingen protesterer vil det slik vi ser det vere forsvarleg at jordskifteretten kort konstaterer at realitetsbehandlinga av saka har starta. Vi er likevel av den oppfatning at den formlause konstateringa det her er lagt opp til gjerne kan erstattast med avgjerdsforma «jordskifteavgjerd». Kravet til innhald i ei slik jordskifteavgjerd, når ingen protesterer mot kravet om jordskifte, må vere svært enkelt. Det må t.d. ikkje vere nødvendig å grunngi avgjerda eller gjengi partane sine påstander m.v. Vi kjem tilbake til dette i kommentarane til §§ 6-19 og 6-20. Ved å halde fast ved at saka skal fremmast i ei jordskifteavgjerd, vil det framstå endå meir tydeleg at saka er i gang med dei følger dette får. Vidare meiner vi at det i ei slik jordskifteavgjerd høyrer til god sakshandsaming å kort gjere greie for kva saka gjeld, kva for eigedomar og område saka skal omfatte. Dersom nokon av partane ved oppstart av sak legg ned påstand om avvisning av formelle grunnar eller å nekte saka fremma av andre grunnar, må retten ta stilling til dette. Dersom nekte fremme blir gjort til jordskifteavgjerd vil overprøving etter vårt syn kome inn under reglane i § 8-2 andre ledd, med jordskiftelagdommar og meddommarar, noko som vil vere ei føresetnad for ei god overprøving av slike spørsmål. Dersom ein held fast på at avgjerdsforma ved avvisning og nekte fremme av sak uansett skal vere orskurd, må ein ta inn ei presisering i ny § 8-2 første ledd 2. punktum: «Ved anke overorskurd ved avvisning av andre

enn formelle grunnar skal retten setjast saman etter andre ledd.» Den store ulempa med vårt framlegg, er at ein opprettheld eit problemområde i gjeldande lov, nemleg om eit spørsmål er formelt eller materielt. Vi gjør merksam på at også lovutkastet brukar uttrykket materielle grunnar, jf. § 8-11 fjerde ledd. Med tydelege lovforarbeid på kva ein legg i uttrykket materielle grunnar, skulle ein få til ein god regel utan rom for store gråsoner. Den mest typiske materielle vurderinga er «ikkjetapsgarantien», og dei vurderingar som skal gjerast etter §§ 3-2 og 3-3. I staden for å bruke uttrykket materiell, kan ein då i staden vise til dei reglane vurderingane blir gjort etter, t.d. etter mønster av forslaget til § 3-5 første ledd siste punktum. Ein må likevel vurdere om «materielle grunnar» skal omfatte noko meir enn desse to paragrafane, t.d. om eit verkemiddel i § 3-6 til § 3-15 er eigna til ei tenleg problemløysing, eller om framtidig verdiendring i § 3-24 blir vurdert som eit hinder for å fremme jordskiftet. Fremme eller nekte av fremme av andre enn formelle vilkår bør som hovudregel først kunne ankast ved avslutning av ein sak. Dersom ei sak blir fremma, er det sluttresultatet i saka som må prøvast. Det blir derfor lite interessant å angripe sjølve fremminga av saka. Det er særleg viktig at ein unngår dei tilfella som i gjeldande lov er regulert i § 61 tredje ledd bokstav a der ein kan angripe spørsmål om avvisning (eller fremme) av andre enn materielle grunnar. Overprøving av sjølve avgjerda om fremme blir derfor først og fremst aktuelt i dei tilfelle der kravet blir nekta fremma eller avvist.»

### 12.3.1.3.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at den nye jordskiftelova bør slå fast at retten har ansvar for å vurdere om vilkåra for å behandle ei sak er til stades. Departementet foreslår reglar om dette i lovforslaget § 6-4. Reglane er utforma litt annleis enn i høyringsforslaget § 6-9, men gjeld langt på veg det same spørsmålet. Reglane avløyser gjeldande jordskiftelov § 12 andre ledd.

Etter § 6-4 første ledd skal retten, når eit krav om sak kjem inn, undersøkje om vilkåra for å behandle saka er tilstades. Dersom sakskravet har manglar som det kan bótast på, skal retten gi rettleiing og setje frist for retting, sjå andre ledd og lovforslaget § 6-16. Etter tredje ledd skal retten ta avgjerd om vilkåra for sak er tilstades eller ikkje, så snart det er grunnlag for det.

For alle sakene som jordskifteretten behandlar, gjeld det formelle vilkår for å reise sakene. For jordskiftesakene etter lovforslaget kapittel 3, gjeld det òg nokre materielle vilkår. Mange av høyringsinstansane kommenterer skiljet mellom vilkåra, og dei problema det har skapt i praksis.

Formelle vilkår følgjer mellom anna av reglane om utforming av og innhald i dei krava som blir reist (lovforslaget § 6-2). Formelle vilkår omfattar òg spørsmålet om retten har domsmakt på staden (lovforslaget § 6-3), og om retten er sakleg kompetent til å avgjere den typen krav som blir reist (det vil seie om kravet gjeld jordskifte, grensefastsetjing, rettsutgreiing, skjønn eller andre avgjerder der jordskifteretten har avgjerdsmyndigheit). Kravet må heller ikkje versere for ein annan domstol (vere litispending) eller vere rettskraftig avgjort mellom partane tidlegare. Rekvirenten må òg vere i posisjon til å kunne krevje sak, jf. lovforslaget § 1-5. Om dei formelle vilkåra er oppfylde, vil retten kunne ta stilling til allereie når kravet kjem inn.

Dei materielle vilkåra for jordskiftesakene går fram av lovforslaget §§ 3-2, 3-3 og 3-18. Desse vilkåra gjeld realitetane i saka, og retten vil normalt ikkje kunne ta stilling til dei før lenger ut i saksgangen, når alle partane har fått uttale seg til kravet, og det er halde eit saksførebuande rettsmøte og så vidare. Retten kan handtere eventuelle problem i høve til dei materielle vilkåra på ulikt vis. Retten kan mellom anna avgrense saka slik at vilkåra kan oppfyllest, gjennom den saklege og geografiske avgrensinga som skal gjerast (lovforslaget § 6-9).

Spørsmålet om vilkåra er oppfylde, kan komme opp etter påstand frå ein av partane, og resultatet kan bli anten at saka blir stansa, eller at ho først vidare. Avgjerda bør da bli formulert slik at saka anten ikkje blir fremja, eller at ho blir fremja, sjå uttalen frå Agder lagmannsrett. Denne avgjerda kan likevel ikkje samanliknast med vedtaket om fremjing etter gjeldande jordskiftelov, sjå nærare omtale av dette i kapittel 12.5.

Skiljet mellom formelle og materielle vilkår kjem ikkje eksplisitt til uttrykk i lovforslaget. Som mellom anna Agder lagmannsrett peikar på, er skiljet problematisk og har gitt opphav til tvistar. Skiljet kjem fram når ein skal vurdere behandlinga av manglar ved eit krav om sak. Formelle manglar vil etter lovforslaget føre til avvising i form av ei orskurd (kjennelse) om avvising, sjå § 6-23 andre ledd bokstav a. Dette svarer til ordninga etter tvistelova. Ved manglar i dei materielle vilkåra for jordskifte, skal det avseiast ei jordskifteavgjerd, sjå lovforslaget § 6-23 fjerde ledd bok-

stav a. Dette er ein forskjell frå høyringsforslaget, der avgjerdsforma i begge tilfelle var orskurd. Bakgrunnen for departementets forslag, er særleg det at avvising av ei jordskiftesak på grunn av dei materielle vilkåra, vil vere ei realitetsavgjerd. Retten vurderer om ein kan bøte på utenlege eigedomstil høve ved bruk av verkemidla i jordskifte. Samstundes skal ingen av partane li tap. Dersom desse vilkåra ikkje kan oppfyllest, skal saka avvist. Forma på ei slik avgjerd bør vere som for andre realitetsavgjerder som gjeld jordskifte/rettsendring, altså jordskifteavgjerd. Høyringsuttalane er klare på at ei slik utforming av reglane er nødvendig, sjå mellom anna uttalane frå Agder lagmannsrett og jordskifteoverrettane.

Skiljet mellom formelle og materielle vilkår er viktig i høve til ankereglane. Slik høyringsforslaget er utforma, vil ei orskurd om avvising i utgangspunktet bli behandla av ordinær lagmannsrett. Førstelagmannen kan likevel fastsetje at ein jordskiftelagdommar skal erstatte ein av dei juridiske dommarane. Ordninga inneber ein moglegheit for, men ikkje ein garanti for, at jordskiftekompetanse blir kopla inn i saker om avvising av ei sak av materielle/jordskiftedefagle grunnar. Ein kan difor risikere at overprøvinga ikkje får den fagle vinklinga og tyngda som er ønskjeleg, og som fleire av høyringsinstansane har understreka. Lovforslaget rettar opp dette. Prøvinga i ankeinstansen blir som for andre jordskifteavgjerder.

Sjølv om ordninga med eit vedtak om fremjing blir endra, vil det vere behov for ei handling eller avgjerd frå retten si side, som det kan knyttast visse rettsverknader til. Etter høyringsforslaget § 6-9 sjette ledd skal retten føre inn i rettsboka at realitetsbehandlinga av saka har teke til. Frå dette tidspunktet kan partane berre trekkje saka dersom retten gir samtykke til det. Slik protokollføring vil, som DA peikar på, bety at ei avgjerd om vidare saksbehandling kan takast som ei formlaus avgjerd, utan ein føregående prosess med oppfordring til partane om å uttale seg om spørsmålet, og utan at retten treng å grunngi avgjerda.

Departementet meiner at ei ordning med protokollføring har gode grunnar for seg, og foreslår å lovfeste dette i § 6-4 fjerde ledd, jf. § 6-19 som omhandlar trekking av krav når det ført inn i rettsboka at behandlinga har teke til. Som DA òg peikar på, unngår ein da unødvendig prosess og tidsbruk som ofte kan følgje med behandlinga av dagens vedtak om fremjing. Det er likevel viktig at lova skipar eit slikt «skjeringspunkt» for når partane kan trekkje eit krav om sak. Departementet har vurdert om protokollføring bør skje i form av ei jordskifteavgjerd etter § 6-23 fjerde ledd, men

har kome til at dette ikkje er noko god løysing. Dersom ein bruker forma jordskifteavgjerd, vil det følgje med eit krav til grunngeving, sjå lovforslaget § 6-24, og til kontradiktorisk behandling. Ein kan lovfeste særlege unntaksreglar for denne typen jordskifteavgjerd, men ein vil da få unødige kompliserte og uoversiktlege reglar. Bakgrunnen for protokollføringa er at partane ikkje har funne grunn til å protestere mot at saka blir behandla. Samstundes vil retten ha informert partane om verknaden av protokollføringa. Dette følgjer av plikta til å rettleie i lovforslaget § 6-16. Departementet ser det difor ikkje som problematisk med ei formlaus avgjerd, som protokollføring av at retten held fram med saksbehandlinga. Ordninga med protokollføring skal dessutan berre gjelde for dei rettsendrande sakene (jordskifte) og ikkje for dei rettsfastsetjande sakene (grensefastsetjing og rettsutgreiing).

Når det gjeld spørsmålet om å trekkje krav om rettsfastsetjande avgjerd, meiner departementet at ordninga i tvistelova kan gjelde som utgangspunkt, men ikkje fullt ut. Partane kan vente med å trekkje ei slik sak heilt fram til retten tek avgjerd, jf. tvistelova § 18-4 første ledd. Etter tvistelova vil den som trekkjer saka, samstundes gi opp kravet. Dei rettsfastsetjande sakene er ganske parallelle med tvistesaker for dei ordinære domstolane. Dette kan tale for like reglar om følgjene av å trekkje eit krav. Departementet meiner det bør vere mogleg å trekkje krav om rettsutgreiing fram til retten tek avgjerd, men meiner at det ikkje bør ha dei same verknadene som etter tvistelova. Departementet går inn for eit avvik frå tvistelova her, sjå nærare om dette i kapittel 12.4.8. Ei anna side ved dette er at retten, for eksempel i saker om grensefastsetjing, kan ha gjort mye merkearbeid før han tek endeleg avgjerd. Departementet meiner dette ikkje bør få innverknad på moglegheta til å trekkje saka. Det kan likevel bli aktuelt å påleggje den som trekkjer saka å betale dei kostnadene som merkinga har ført med seg, sjå § 7-7 første ledd, og framstillinga i kapittel 13.

Når det gjeld tidspunktet for når retten kan ta stilling til eit krav om avvising, viser departementet til uttalen frå Justisdepartementet. Departementet foreslår ein eigen regel i § 6-4 tredje ledd om at avgjerd om vilkåra for sak er tilstades eller ikkje, skal treffast av jordskifteretten så snart det er grunnlag for det. I tillegg vil tvistelova § 9-6 gjelde tilsvarende så langt ho høver, jf. lovforslaget § 6-1 andre ledd og § 6-8 andre ledd. Etter tvistelova § 9-6 tredje ledd skal avgjerder om avvising i utgangspunkt takast så tidleg som mogleg. Tviste-

lova § 9-6 tredje ledd seier òg at retten, på visse vilkår, kan vente til hovudforhandlinga med å avgjere avvisingskravet. Når det i lovforslaget §§ 6-1 og 6-8 blir vist til tvistelova § 9-6, er det meininga at jordskifteretten har eit tilsvarende val, sjølv om det i jordskifteprosessen ikkje blir halde hovudforhandling.

#### 12.3.1.4 Merknader frå partane til sakskravet og saksbehandlinga

##### 12.3.1.4.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 6-1 at hele kapittel 9 i tvistelova skal gjelde så langt det høver, og §§ 9-3 og 9-6. Dette inneber at reglane i tvistelova om tilsvaer og om merknader om saksbehandlinga, og om avgjerdene retten tar om saksbehandlinga, skal gjelde så langt dei høver for saksbehandlinga i jordskifteretten.

##### 12.3.1.4.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet uttaler:*

«Femte ledd legger opp til et annet utgangspunkt for saksbehandlingen enn det som følger av tvisteloven. Etter tvisteloven § 9-6 fjerde ledd skal avgjørelser om saksbehandlingen, herunder om saken skal avvises, som utgangspunkt treffes etter skriftlig behandling. Det fremgår imidlertid av forarbeidene at blant annet avvisningsavgjørelser står i en særstilling og etter omstendighetene vil kunne nødvendiggjøre muntlig behandling, jf. EMK artikkel 6 (1) om rettergangen i sivile saker (se merknaden til bestemmelsen i Ot.prp. nr. 51 (2004–2005) side 394, hvor det vises til merknaden i NOU 2001: 32 side 752). Det kan derfor ikke ses å være noen reell forskjell mellom utkastet § 6-9 femte ledd og tvisteloven § 9-6 fjerde ledd. Det bør derfor vurderes om det er behov for særregelen i utkastet § 6-9 femte ledd, eller om det er tilstrekkelig å omtale saksbehandlingen i merknaden til bestemmelsen.»

*Jordskiftedommarane i Gulating uttaler:*

«I 5. ledd bør i alle fall ordet «i rettsmøte» strykast. Dette gjer det særdeles tungvint å avvise ei sak som heilt klårt må avvistast. Det er tilstrekkelig at partane får uttale seg skriftleg i dei fleste tilfeller.»

### 12.3.1.4.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at tvistelova kapittel 9 II Saksforberedelsen, inneheld viktige prinsipp for planlegging og saksførebuing som bør gjelde tilsvarende for saker for jordskifterettane. Dette gjeld mellom anna partane sitt tilsvarende til kravet, sjå tvistelova § 9-3 og lovforslaget § 6-5. Ein bør òg ha reglar tilsvarende tvistelova § 9-6, om den retten partane har til å uttale seg om tilhøve som er viktige for avgjerder om saksbehandlinga. Lovteknisk sett har departementet vald å gjere dette slik at ein gir særlege tilpassa reglar i §§ 6-5 og 6-8. Paragraf 6-5 erstattar tvistelova § 9-3, om tilsvarende. Departementet ser det ikkje som nødvendig å gi § 9-3 verknad ved sida av § 6-5, som difor er ei enklare og uttømmende regulering av tilsvarende til dei krava som reisast i saka. Når det gjeld merknader til saksbehandlinga og til avgjerder om saksbehandlinga, har departementet vald å dels gjengi dei sentrale reglane i tvistelova § 9-6, dels å vise til desse reglane, sjå lovforslaget § 6-8 første og andre ledd. Ein kan diskutere om tilvisinga i § 6-1 kanskje er tilstrekkeleg, men departementet meiner reglane i § 6-8 bør vere med som ei påminning og opplysing for partane og retten om noko som er svært sentralt i saksførebuinga.

Justisdepartementet tek i si høyringsuttale opp spørsmålet om avgjerder om avvising bør takast etter skriftleg eller munnleg behandling. Jordskiftedommarane i Gulating meiner det er tilstrekkeleg at partane får uttale seg skriftleg i dei fleste tilfelle. I høyringsforslaget foreslår arbeidsgruppa at partane som hovudregel skal få uttale seg munnleg i rettsmøte før det blir teke avgjerd om avvising. Utgangspunktet i tvistelova er skriftleg behandling av spørsmål som gjeld saksbehandlinga, men munnleg behandling kan skje når omsynet til rettferdig og forsvarleg behandling tilseier det, sjå § 9-6 fjerde ledd. Justisdepartementet viser til at avgjerder om avvising står i ei særstilling, og at munnleg behandling kan vere nødvendig, mellom anna på grunnlag av EMK artikkel 6 (1) om rettargangen i sivile saker. Slik lovforslaget nå er utforma, er det tvistelova § 9-6 som regulerar spørsmålet om skriftleg eller munnleg saksbehandling, sjå lovforslaget § 6-8 andre ledd. Det skulle difor ikkje vere tvil om at lovforslaget her er i tråd med EMK.

Justisdepartementet peikar òg på at det er eit element i tvistelova § 9-6 som ikkje passar inn i jordskiftelova. Det er føresegna i tredje ledd siste punktum som seier at «Er det klart grunnlag for det, kan retten frifinne saksøkte uten å ta stilling til et tvilsomt spørsmål om avvisning». Føresegna

passar ikkje for jordskifterettane fordi jordskifterettane ikkje avseier frifinningsdommar. Tredje ledd siste punktum blir difor ikkje gjort gjeldande, sjå lovforslaget § 6-8 andre ledd, og § 6-1 andre ledd bokstav d.

### 12.3.1.5 Sakleg og geografisk avgrensing av sakene

#### 12.3.1.5.1 Høyringsforslaget

Høyringsforslaget § 6-17 inneheld reglar om den saklege og geografiske avgrensinga av saka. Reglane er dels til erstatning for gjeldande jordskiftelov § 21 og 25. Utgangspunktet i forslaget er at jordskifteretten skal gjere ei avgrensing av saka i samsvar med kravet. Jordskifteretten skal òg kunne setje frist for partane med omsyn til krav om sakleg eller geografisk utviding av saka. Om nødvendig skal jordskifteretten kunne halde saksførebuinge rettsmøte for å klarleggje omfanget av saka. Utgangspunktet for høyringsforslaget er at disposisjonsprinsippet skal gjelde både i høve til kva saka handlar om, og det geografiske området saka gjeld. Arbeidsgruppa foreslår likevel reglar tilsvarende gjeldande jordskiftelov § 25. Det gjer det mogleg for jordskifteretten av eige tiltak å gå utanom den geografiske avgrensinga i kravet. Jordskifteretten kan ta med attverande delar av dei eigedommane saka gjeld, når retten finn at dette er nødvendig for å løyse problema i saka. Arbeidsgruppa foreslår òg reglar om avslutting av saka for ein del av det område saka gjeld for. Kvar del som blir avslutta for seg, skal da reknast som ei eiga sak.

#### 12.3.1.5.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen (DA)* uttaler:

«Saklig og geografisk avgrensing inngår i fremmingsvedtaket etter dagens lovgivning. Siden obligatorisk fremming er foreslått tatt ut, er det et spørsmål om den avgrensing som jordskifteretten skal gjøre nå må skje formløst. Saklig og geografisk avgrensing er imidlertid så grunnleggende at det bør vurderes å knytte dette opp til en avgjørelsesform, der vel «jordskifteavgjerd» peker seg ut.»

*Jordskifteoverrettane* uttaler at ein bør sjå reglane i høyringsforslaget § 6-17 i samanheng med dei andre reglane om oppstarten av ei sak, i høyringsforslaget §§ 6-9 og 6-10. Slik § 6-17 tredje ledd er utforma, kan det sjå ut som om førebuinge retts-

møte berre er knytt opp til klargjering av kravet. Dei meiner dette er uheldig.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler at sakleg og geografisk avgrensing av saka etter gjeldande lov høyrer til fremjingsvedtaket. Jordskifterettane i Eidsivating foreslår at avgjerd om avgrensing av saka får forma jordskifteavgjerd og at fremjingsvedtaket blir vidareført. Dei meiner òg at gode grunnar talar for at høvet retten har til å utvide saka òg bør gjelde for rettsfastsetjande saker og skjønn. Vidare meiner dei at lova bør opna for partiell sakleg avslutting. Dei viser til at det vil vere praktisk for retten å for eksempel kunne avslutte den delen av ei sak som gjeld veg, for så å halde fram med resten av saka.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* viser til at det første steget i ei sak er sakleg og geografisk avgrensing. I dei fleste sakene er dette gitt, men avgrensinga kan vere ein sentral del av løysinga i enkelte saker. Dei viser også til at det kan være behov for saksførebuande rettsmøte i andre spørsmål enn sakleg og geografisk avgrensing. Dei meiner òg at dersom jordskiftelova skal ha ei føresegn om saksførebuande rettsmøte, må det være ein generell regel, som ikkje er knytt til sakleg og geografisk avgrensing. Høyringsforslaget § 6-17 siste ledd gjeld partiell avslutning. Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme meiner regelen er plassert feil, fordi han ikkje har noko med sakleg og geografisk avgrensing av saka å gjere.

*Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler at det er uklart kva som meinast med siste setninga i siste ledd i høyringsforslaget § 6-17 («Kvar del som blir avslutta for seg, blir rekna som ei særskilt sak»). Formuleringa i gjeldande lov § 21, andre setning kan nyttast, eller alternativt formuleringa: » ... rekna som særskilt sak med tanke på bruk av rettsmiddel».

*Jordskiftedommarane i Gulating* uttaler:

«§6-17. Me syner til generelle merknader om fremjingsvedtaket i vårt kap. 2.6. Me meiner det i mange saker kan vera hensiktsmessig og kanskje turvande å avgjere kva saka skal omhandle, dette gjeld både geografisk og sakleg. Her medrekna om det skal gjennomførast sak eller ikkje. Det må òg gjerast eit skilje mellom saker etter kap. 4 og jordskiftesaker etter kap. 3. Det er ikkje naudsynt med fremjingsvedtak i rettsutgreiingssaker og grensesaker.»

*Jordskifteoverdommaren i Gulating* meiner at ein bør sjå høyringsforslaget § 6-17 i samanheng med høyringsforslaget § 6-9 om kontrollen med vilkåra

for sak, og det som ellers er sagt om oppstart av ei sak.

#### 12.3.1.5.3 Departementets vurderingar

I ei rettssak vil retten vere bunden av dei krav og påstandar som partane har. Denne ramma om kompetansen til retten følgjer av tvistelova § 11-2, og blir omtala som disposisjonsprinsippet. Prinsippet er òg utgangspunktet for saker for jordskifteretten, og det er ikkje gjort noko unntak for tvistelova § 11-2 korkje i gjeldande jordskiftelov eller i forslaget til ny jordskiftelov.

I saker for jordskifteretten, vil utgangspunktet vere at disposisjonsprinsippet gjeld for den saklege avgrensinga av saka. Disposisjonsprinsippet gjeld såleis det som er tema for saka, for eksempel klarlegging av grenser eller endring av utenleige eigedomstilhøve. Disposisjonsprinsippet gjeld òg for det geografiske området saka gjeld, altså kva for eigedommar eller delar av eigedommar saka gjeld. Innanfor denne saklege/tematiske og geografiske ramma kan retten løyse dei problema partane har. Regelen er gjort generell i høve til sakslypane, i og med at sakleg og geografisk avgrensing vil vere nødvendig i alle saker. I gjeldande jordskiftelov § 25 er det ein avgrensingsregel knytt til jordskifte, og i § 88 fjerde ledd ein regel for grensegang, og 88 a andre ledd for rettsutgreiing.

Disposisjonsprinsippet er på den andre sida ikkje gjennomført fullt ut i gjeldande jordskiftelov og heller ikkje i forslaget til ny lov. Når det gjeld jordskifte kan retten for eksempel gå utanom avgrensinga i dei krava som er reiste og ta med attverande delar av dei eigedommane som jordskiftet gjeld. Det kan retten gjere om han finn det nødvendig for eit formålstenleg jordskifte, sjå gjeldande jordskiftelov § 25. Slik bør det òg vere i framtida. Det er altså behov for særlege reglar om tilhøvet mellom den kompetansen retten har og partane sine krav og eventuelle påstandar, sjå lovforslaget § 6-9, som byggjer på gjeldande jordskiftelov § 25, men med litt ulike formuleringar. I høve til gjeldande jordskiftelov § 25 har departementet ikkje teke med utviding av saka til å gjelde andre eigedommar. Departementet meiner det ikkje er nødvendig, og heller ikkje så godt i samsvar med disposisjonsprinsippet, å trekkje kompetansen jordskifteretten har til å utvide så langt.

Departementet meiner det ikkje vil vere rett å gi ein tilsvarande heimel til òg å gjelde rettsfastsetjande saker (grensefastsetjing og rettsutgreiing) og skjønn, slik jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme foreslår. Avvik frå disposisjons-



prinsippet har ei spesiell grunngeving når det gjeld problemløysing i eit jordskifte. For å kunne halde jordskiftet og løyse problem knytt til utenlege eigedomstil høve, kan utviding av jordskifteområdet vere ein føresetnad. Dette vil ikkje i same grad vere tilfelle i høve til grensefastsetjing og rettsutgreiing.

Det vil vere den som krev saka som har størst innverknad på avgrensinga. Etter lovforslaget skal retten settje ein frist for partane til eventuelt å fremje krav som gjeld sakleg eller geografisk avgrensing av saka. Lova byggjer på prinsippet om at saka skal avgrensast til det kravet går ut på. Dei uttalane partane kjem med kan likevel gi saka ei anna geografisk avgrensing enn i kravet.

Praksis viser variasjon når det gjeld utviding av saker. Dels heng det saman med at dei krava som fremjast ikkje alltid er klare nok når det gjeld omfang, og dels heng det saman med kva som kan vere praktisk eller rasjonelt å «ordne opp i» når jordskifteretten først «er på staden». Departementet er samd med arbeidsgruppa i at den nye lova må få klarare reglar for utviding, slik at praksis kan bli meir einsarta. Det vil òg vere eit gode at det raskt er mogleg å få rimeleg oversikt over det arbeidsomfanget ei sak vil føre med seg.

Dersom retten finn at den skriftlege saksførebuinga ikkje klargjer kravet eller krava, kan retten om nødvendig halde saksførebuaende rettsmøte for å klarleggje omfanget. Dette følgjer av lovforslaget § 6-7, som gjeld saksførebuaende rettsmøte på alle trinn i saka, òg i samband med avgrensing av saka.

Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme har motsegner mot at høyringsforslaget § 6-17 òg inneheld ein regel i siste ledd som gjeld delvis (partiell) avslutting av sakene. Departementet er samd i desse innvendingane. Det kan vere viktig for partane at jordskifteretten delvis avsluttar saka, slik at tiltak kan komme i gang utan at ein må vente på at heile skiftet blir avslutta. Gjeldande jordskiftelov har ein slik regel i § 21. Regelen er likevel ikkje plassert på rette staden i høyringsforslaget. Departementet foreslår difor at regelen blir ein eigen paragraf, sjå § 6-20. Paragrafen er utforma slik at han òg omfattar sakleg partiell avslutting. Som jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme viser til, vil det vere praktisk for retten å for eksempel kunne avslutte den delen av ei sak som gjeld veg, for så å halde fram med resten av saka. I tråd med uttalen frå Sør-Trøndelag jordskifterett har departementet òg tatt inn i paragrafen ei presisering av kva det inneber at ein del av saka som er avslutta for seg, blir ei eiga sak («...med omsyn til fullføring, overprøving og ny

behandling»). Kravet i gjeldande jordskiftelov om samrøystes avgjerd, først ikkje vidare.

Etter lovforslaget § 6-23 fjerde ledd bokstav b, har avgjerd om avgrensing av saka forma jordskifteavgjerd. Dette er i tråd med høyringsfråsegna frå Domstoladministrasjonen.

### 12.3.2 Rettsmøte

Lovforslaget kapittel 6 del III har reglar om behandlinga av sakene i rettsmøte. Departementet foreslår mellom anna generelle reglar om konsentrert og forsvarleg behandling tilsvarende dei reglane ein finn i tvistelova. Departementet foreslår òg reglar om korleis innkallinga til rettsmøtet skal skje, om plikta partar og vitnar har til å møte og forklare seg, og ein eigen paragraf om rettsbøker.

#### 12.3.2.1 Innkalling til rettsmøte. Plikt til å møte og forklare seg

##### 12.3.2.1.1 Høyringsforslaget

Høyringsforslaget § 6-13 inneheld reglar om innkallinga av partar og vitne med fleire («alle saka vedkjem»). Reglane skal erstatte gjeldande jordskiftelov § 13. Arbeidsgruppa viser til at jordskiftelova § 13 òg blir supplert av tvistelova § 13-3 om innkalling av vitne og sakkunnige til rettsmøte, sjå gjeldande jordskiftelov § 97 første ledd bokstav a. Arbeidsgruppa meiner at den nye lova kan vise til heile kapittel 13 I om innkalling til rettsmøte, slik at tvistelova supplerer der jordskiftelova ikkje har reglar. Eksempel på dette er reglane om fjernmøte, frávær med meir.

Høyringsforslaget pålegg retten å forkynne innkalling til det første rettsmøtet. Fristen for innkalling skal vere to veker; den same fristen som etter tvistelova, sjå § 13-2 andre ledd. Etter gjeldande jordskiftelov er fristen tre veker, men arbeidsgruppa meiner det ikkje er noko i vegen for å samkjøre jordskiftelova med tvistelova. Innkallinga til seinare rettsmøte kan skje slik retten finn det høveleg, altså på andre måtar enn ved forkynning. Regelen er utforma etter mønster av tvistelova § 13-2 første ledd tredje punktum. Arbeidsgruppa foreslår at partane skal ha innkalling òg om dei har advokat. Dette er motsett løysing av tvistelova § 13-2, som seier at partar med advokat skal innkallast ved advokaten.

Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare reglane om summarisk innkalling (gjeldande jordskiftelov § 13 tredje ledd). Det skal likevel ikkje vere nødvendig med løyve frå departementet, slik det

er etter gjeldande jordskiftelov. Etter forslaget kan jordskifterettane avgjere sjølve om innkallinga bør skje på denne måten.

Når det gjeld plikta partar og andre har til å møte og forklare seg, foreslår arbeidsgruppa at reglane i gjeldande jordskiftelov § 18 skal først vidare, jf. høyringsforslaget § 6-14. Gjeldande jordskiftelov § 18 viser til tvistelova kapittel 22-24. Gruppa foreslår òg at det skal visast til tvistelova kapittel 25 når det gjeld plikta sakkunnige har til å møte og gi forklaring.

Arbeidsgruppa foreslår å avgrense plikta for partar og vitne til å møte til dei tilfella der dei får særskilt innkalling. Avgrensinga blir gjort fordi det i saker for jordskifteretten kan vere svært mange partar. Det er ikkje alltid hensiktsmessig og nødvendig å innkalle alle til det same rettsmøtet. Arbeidsgruppa meiner at retten i staden kan avgrense innkallinga til dei partane som vedkommande rettsmøte er relevant for. Andre punktum i første ledd på likevel retten å informere alle partar om rettsmøte dei ikkje blir innkalla til, slik at dei eventuelt kan følgje rettsforhandlingane om dei skulle ønske det. Arbeidsgruppa legg til grunn at slik informasjon i dag for eksempel kan skje ved e-post til partane. Arbeidsgruppa viser òg til at rettsmøta er offentlege, jf. domstollova § 124.

Arbeidsgruppa foreslår ut over dette å føre vidare gjeldande jordskiftelov § 18 andre punktum, som seier at jordskifterettane ikkje har kompetanse til å bruke tvangsmiddel eller straff mot partar og vitne etter den nye jordskiftelova. Dei vanlege domstolane har slik kompetanse etter domstolslova kapittel 10.

#### 12.3.2.1.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen (DA)* uttaler om høyringsforslaget § 6-13:

«Bestemmelsen svarer til tvisteloven § 13-2 og framstår delvis som en gjengivelse av denne. Det er i tillegg gitt noen suppleringer og tilpassninger. Bestemmelsen bør derfor kunne forstås som en spesialregel som setter tvisteloven § 13-2 til side. I følge første ledd fjerde punktum kan varsel om innkalling i visse tilfeller gis på annen måte enn det som følger av hovedregelen i andre punktum. Vi er i tvil om det er nødvendig å utforme en slik spesialregel, eller om det er tilstrekkelig å falle ned på domstollovens bestemmelser om forkynning. Slik fjerde ledd fjerde punktum er utformet, er det også et spørsmål om den er godt nok tilpasset dagens kommunikasjon/forhold. Vi kan uansett ikke

se at det er noen grunn til at de som er «busett utanfor kommunen» skal omfattes av dette unntaket. I femte ledd henvises det til reglene i tvisteloven kapittel 13 I. Denne delen av bestemmelsen er overflødig, da det følger av den generelle henvisningen i § 6-1 andre ledd at tvisteloven kapittel 13 gjelder. Det er kun tvisteloven § 13-2 som etter vår oppfatning settes til side i kraft av spesialregelen i ukastet § 6-13. Femte ledd bør derfor etter vår oppfatning gå ut.»

DA uttaler om høyringsforslaget § 6-14:

«Det følger av første ledd første punktum at parter og vitner har plikt til å møte når de er særskilt innkalt. Vi reiser spørsmålet om det ikke her burde vært tilføyd en henvisning til § 6-13. Alle parter skal i henhold til andre punktum ha informasjon om rettsmøter de ikke selv er innkalt til. Dette betyr at dersom det i jordskiftesaken oppstår en tvist som involverer et mindre antall parter, skal de øvrige partene i jordskiftesaken ha informasjon om rettsmøter i anledning tvisten. Dette vil i noen saker innebære et betydelig merarbeid for jordskifteretten. DA mener av den grunn at første ledd andre punktum bør utgå. I tredje ledd er det positivt henvist til kapittel 22-25 i tvisteloven. Henvisningene er på grunn av den generelle henvisningen i § 6-1 andre ledd overflødig. Som ovenfor nevnt mener vi det er viktig å holde seg konsekvent til den systematikk som følger av § 6-1. Tredje ledd bør derfor gå ut.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner høyringsforslaget § 6-13 første ledd femte punktum bør forenklast og lyde slik:

«Om nokon som skal ha varsel har ukjent adresse og tilhaldsstad, kan varsel gis på siste kjende bustaden hans i riket, eller om denne staden ikkje er kjent, på åstaden.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler vidare:

«Bosted utenfor kommunen er normalt og krever ikke særbestemmelser. Om noen er «fråværande», kan ingen domstol ha oversikt over. Adressen er det man må forholde seg til. Skulle noen ha ukjent adresse, eller av annen grunn ikke motta post, kan man selvsagt forkynne på tilholdssted om det skulle være kjent. Etter at disse mulighetene er prøvd, må en forkynne på

siste kjente bosted eller åstedet – eller søke annen løsnung via domstollovens bestemmelse. Fjerde ledd, siste punktum, setter 6 ukers frist for varsel i Norsk lysningsblad. Vi mener 4 uker må være tilstrekkelig, forholdsmessig samme reduksjon som i den alminnelige varselfristen – frå tre til to uker. Til § 6-14 Plikt til å møte og forklare seg. 1. ledd andre punktum. Det kan ikke være noen grunn for å informere alle partene i ei sak om et rettsmøte de ikke innkalles til. Et rettsmøte for behandling av en tvist mellom to av partene, gjelder disse to partene og ikke de andre partene i saka.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* uttaler om høyringsforslaget § 6-13:

«Det viser seg av og til vanskelig å få forkynt innkallingen på ordinær måte. Dette kan ha sammenheng med at parten har ukjent bopel. Betegnelsen «åstaden» virker noe fremmed, og det bør byttes ut med et annet dekkende uttrykk. Budskapet er vel noe i retning av: Partar med ukjent adresse, skal varslast på siste kjende bustad eller kontorstad i Norge, eller om denne staden ikkje er kjent, i jordskifteområdet.»

Dei meiner vidare at § 6-14 bør kortast ned:

«Det er viktig å slette andre punktum i første ledd. Dette vil føre til unødig ekstraarbeid og kan medføre at partene ikke møter når de har behov for det. Første ledd kan begrenses til: Partar og vitne har plikt til å møte og forklare seg når dei er innkalla, sjå tvisteloven kapittel 22-25. Andre ledd slettes. Siste ledd må beholdes.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner høyringsforslaget § 6-13 første ledd, femte setning bør forenklast slik jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme foreslår. *Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner fjerde ledd kan formulerast slik:

«Er det uklart kven som er eigar eller bruksrettshavar eller finner jordskifteretten det nødvendig av andre grunnar, kan innkalling foretas ved lysing i Norsk lysningsblad og i eitt eller fleire lokalblad og med oppslag. Varslet skal i slike tilfelle vere gitt minst 6 veker på førehand rekna frå den dagen kunngjeringa står i lysningsbladet.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* uttaler:

«Til § 6-13. Varselfristen blir forkortet og i samsvar med tvisteloven § 13 – 2 (2). Dette er OK og gir retten større fleksibilitet. Ellers er det til forskjell fra tvisteloven bestemmelse om at parten skal ha innkalling selv om han har prosessfullmektig. Vi mener det kan reises spørsmål ved nødvendigheten av det. Til § 6-14. Det er ikke noen endringer her i forhold til nåværende lov. Er det nødvendig å vise til kap. I tvisteloven når kapitlene likevel generelt er gjort gjeldende. Formuleringen i nåværende lov er kortere og bedre.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* uttaler:

«§ 6-14. Denne bør kunne kortast ned. I store mangearta saker kan det ikkje vera noko krav at alle partar skal ha informasjon om rettsmøte som ikkje vedkjem dei, 2. setning i 1. ledd bør takast ut. Det må vera nok med ein kort visning til tvistelova sine reglar, desse er og gjort gjeldande i § 6-1.»

### 12.3.2.1.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår reglar i den nye jordskiftelova om innkalling til rettsmøte og plikt til å møte og forklare seg. Departementets forslag skil seg frå gjeldande jordskiftelov og høyringsforslaget på nokre punkt. Dette har mellom anna samanheng med høyringsuttalar om detaljutføringa av reglane. I kapitlet her vil departementet sjå på dei meir generelle spørsmåla i samband med innkalling og møteplikt for retten.

Det første spørsmålet, er korleis tilhøvet til tvistelova kapittel 13 I Rettsmøter bør ordnast. Gjeldande jordskiftelov har eigne reglar om innkalling av partar og vitne i § 13, og i tillegg er tvistelova § 13-3 gjort gjeldande gjennom tilvisinga i gjeldande jordskiftelov § 97 første ledd bokstav a. Arbeidsgruppa meiner den nye lova kan vise til heile kapittel 13 I, men departementet meiner dette er unødvendig. I alle fall treng ein ikkje vise til tvistelova § 13-2 som dekkjer om lag det same som lovforslaget § 6-10. Slik forslaget til § 6-10 er utforma dekkjer føresegna behovet når det gjeld reglar om innkalling til rettsmøte for jordskifterettane, med dei særlege tilpassingane som må gjerast. Med den lovteknikken som er vald i § 6-1, skulle det ikkje oppstå spørsmål om tvistelova

§ 13-2 gjeld saman med reglane i jordskiftelova, i og med at det ikkje er vist til § 13-2.

På den andre sida bør tvistelova § 13-1 *Rettsmøter og fjernmøter*, § 13-3 *Innkalling av vitner og sakkyndige til rettsmøte* og § 13-4 *Gyldig fravær* kunne gjelde, sjå lovforslaget § 6-1 andre ledd bokstav h. Desse reglane vil dermed supplere jordskiftelova. Når det gjeld tvistelova § 13-1 foreslår departementet unntak frå første ledd i paragrafen, som seier at innlegga frå partane og kommunikasjon med retten skal skje i rettsmøte, når det ikkje skjer i prosesskriv. Departementet meiner denne regelen blir for rigid i høve til at det er svært mange sjølvprosederande partar for jordskifterettane. Ein bør da ikkje ha så firkanta krav til korleis kommunikasjonen mellom retten og partane skal vere. Kjem det inn eit vanleg brev til retten, meiner departementet dette må gjelde som eit prosesskriv, sjølv om ikkje formkrava til prosesskriv er følgde. Denne løysinga er i tråd med høyringsuttalane.

Departementet foreslår å lovfeste ei endring i fristen for innkalling, slik arbeidsgruppa foreslår. Fristen blir endra frå tre til to veker. Dette er den same fristen som i tvistelova § 13-2 andre ledd. Det kom ikkje særlege innvendingar mot dette i høyringa. Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme meiner endringa vil gi retten større fleksibilitet i saksbehandlinga.

Departementet har òg vald å utforme reglane slik at retten skal forkynne innkalling til det første ordinære rettsmøtet til alle saka vedkjem. Med «alle saka vedkjem» er meint alle eigarar, alle dei som har rettar over fast eigedom, dei som er grannar, og andre som saka vedkjem. Namnet til medlemmene i retten skal stå i innkallinga, sjå § 6-10 første ledd. Dette er omlag dei same formuleringane som i gjeldande jordskiftelov § 13.

Forkynning skal etter lovforslaget òg brukast ved innkalling av partar som er pålagde å møte personleg, og når det skal reknast som frávær i saka om parten ikkje møter. Frávær i saka kan innebere at det aktuelle kravet kan avgjerast ved fráværdom, sjå tvistelova § 16-10 (som òg gjeld for behandlinga i jordskifteretten, så langt den høver (det vil seie når det er tvist), jf. lovforslaget § 6-1 andre ledd bokstav k og § 6-11 andre ledd). Elles skal partane få slikt varsel som retten finn høveleg, for eksempel ved brev eller e-post, sjå § 6-10 andre ledd.

Partar med advokat som prosessfullmektig, skal etter lovforslaget kallast inn ved advokaten, sjå lovforslaget § 6-10 tredje ledd. Departementet vel her same løysinga som i tvistelova § 13-2 andre

ledd. Det blir da ei litt anna løysing enn i gjeldande jordskiftelov § 13 andre ledd. Til skilnad frå tvistelova, skal partar med advokat varslast ved å få kopi av innkallinga. Dette gjer at alle partar blir orientert om innkallinga til rettsmøte samstundes, både dei som har advokat og dei som ikkje har. Departementet meiner dette kan vere ein fordel, i og med at partane gjerne òg er naboar.

Ein part som retten har pålagd å møte personleg, skal få innkallinga forkynt sjølv om han har advokat. Denne regelen tilsvarar tvistelova § 13-2 tredje ledd første punktum. Partar utan advokat, eller med annan prosessfullmektig enn advokat, skal kallast inn direkte.

I høyringsforslaget foreslår arbeidsgruppa å føre vidare regelen om såkalla summarisk kunn-gjering, sjå gjeldande jordskiftelov § 13 tredje ledd og høyringsforslaget § 6-13 fjerde ledd. Etter gjeldande jordskiftelov kan summarisk innkalling brukast når skiftefeltet er stort eller brukstilhøva ugreie (under dette at partstilhøvet verkar uklart). Summarisk innkalling skjer ved lysing i Norsk Lysingsblad, og i eitt eller fleire lokalblad og med oppslag. Løyve til summarisk innkalling blir gitt av departementet (Landbruks- og matdepartementet). Lova nemner ikkje kva for rettsverknad ei summarisk innkalling har i høve til interesserte som ikkje møter opp, anten fordi dei ikkje har sett varselet eller dei ikkje finn grunn til å møte opp. Innkallinga har likevel den verknaden at avgjerdene retten tek, er gyldige og bindande for alle dei som innkallinga er retta mot. Departementet har gitt nærare reglar om summarisk innkalling i Rettleiing for føring av jordskiftesaker, frå 1991. I rettleiinga er det mellom anna lagt til grunn at dei partane ein kjenner, skal få direkte varsel sjølv om ein brukar summarisk innkalling.

Etter høyringsforslaget skal det ikkje vere nødvendig med løyve frå departementet for å kunne gjere bruk av slik innkalling. Jordskifterettane skal sjølv avgjere om innkallinga bør skje på denne måten. Departementet støttar forslaget om framleis å ha reglar om summarisk innkalling, og at retten skal kunne ta avgjerd om summarisk innkalling sjølv. Slik det har utvikla seg, har løyveordninga fått ein viss karakter av «sandpåstrøing» på dei søknadene om løyve som jordskifterettane kjem med. Om summarisk innkalling er nødvendig, er det domstolane som står nærast til å vurdere. Det ein kan vurdere å lovfeste, er kravet i rettleiinga om at partar ein kjenner til alltid skal varslast direkte. Departementet er blitt ståande ved at dette ville bli ein overflødig regel. Departementet viser til regelen i lovforslaget § 6-10 første ledd, om innkalling av alle saka vedkjem. Departe-

mentet viser òg til formuleringa i fjerde ledd som seier » Er det uklart kven som er eigar eller som har ein rett, eller meiner jordskifteretten det trengst av andre grunnar, kan det kallast inn...». I dette ligg òg at alle ein kjenner til skal varslast sjølv om ein nyttar summarisk innkalling. Ordlyden er litt endra i høve til høyringsforslaget, mellom anna etter innspel frå Sør-Trøndelag jordskifterett.

I høyringsforslaget § 6-14 første punktum, foreslår arbeidsgruppa at partar og vitne skal ha plikt til å møte og til å forklare seg når dei er særskilt innkalla. Departementet meiner det rette må vere å knytte plikta til å møte og til å forklare seg, til reglane om innkalling i lovforslaget § 6-10, og reglane om innhaldet i bevisplikta (mellom anna om plikta partane har til å sørgje for opplysning av saka, til å gi forklaring og bevis tilgang med meir) i § 6-15, sjå lovforslaget § 6-11 første ledd. Reglane i tvistelova Femte del – Bevis blir òg gjort gjeldande så langt dei høver, under dette kapittel 23 om partane si møte- og forklaringsplikt, sjå lovforslaget § 6-15 sjette ledd.

Når det gjeld spørsmålet om gyldig fråvær frå rettsmøte, foreslår departementet å gi tvistelova § 13-4 verknad, sjå lovforslaget § 6-11 andre ledd. Etter tvistelova § 13-4 første ledd er det gyldig fråvær når «sykdom eller andre hindringer utenfor vedkommendes kontroll gjør det umulig eller uforholdsmessig byrdefullt å møte». Tvistelova 13-4 tredje ledd regulerer spørsmålet om gyldig fråvær når parten har prosessfullmektig. Etter § 13-4 fjerde ledd skal den som har gyldig fråvær straks gi retten melding om dette. Dette skal òg gjelde i høve til saker for jordskifteretten.

Høyringsforslaget om at alle partar skal ha informasjon om rettsmøte dei ikkje blir innkalla til, fekk ein del negative reaksjonar. Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme viser til at eit rettsmøte som gjeld behandling av ein tvist mellom to partar, berre gjeld desse partane, og ikkje andre partar i saka. Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme meiner forslaget kan føre til ekstraarbeid for retten, og til at partar ikkje møter i retten når dei har behov for det. DA peiker òg på faren for meirarbeid. Ein slik regel er difor ikkje tatt med i lovforslaget.

Departementet foreslår at regelen i gjeldande jordskiftelov § 18 andre punktum om at bruk av tvangsmiddel eller straff høyrer under dei vanlege domstolane ikkje blir ført vidare i ny jordskiftelov. Departementet meiner at dei vanlege reglane i domstollova kapittel 10 og tvistelova § 24-5 òg kan gjelde for jordskifterettane. Den kompetansen

jordskifteretten har vil da følgje av regelen i jordskiftelova § 6-1 bokstav p der det står at kapitla 21 til 28 i tvistelova gjeld. Dette er ei meir praktisk løysing enn den som gjeld i dag der jordskifteretten må overlata avgjerda til tingretten.

### 12.3.2.2 Reglar for saksbehandlinga i rettsmøte

#### 12.3.2.2.1 Høyringsforslaget

Høyringsforslaget § 6-15 *Andre reglar om saksbehandlinga* inneheld generelle reglar om saksbehandlinga i rettsmøta. Første ledd gir uttrykk for det same prinsippet som tvistelova § 9-13 andre ledd, om plikta retten har til å sørgje for at saksavviklinga skal skje konsentrert og forsvarleg. Forslaget gir òg uttrykk for det «bevisumiddelbarhetsprinsippet» som følgjer av tvistelova § 9-14 første ledd. Der blir det mellom anna sagt at «Hovedforhandlingen er muntlig og bevisføringen umiddelbar...». Dette inneber at bevisa først direkte for den dømmende retten – sjå òg tvistelova § 21-9 om bevisføringa når saka skal behandlast munnleg. Arbeidsgruppa meiner òg at reglane i tvistelova §§ 9-13 til 9-17 som gjeld hovudforhandlinga, kan gjelde ved sak for jordskifteretten så langt dei høver utan reservasjon for enkelte sakstypar.

#### 12.3.2.2.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* uttaler:

«Vi forstår det slik at bestemmelsen er ment å regulere saksbehandlingen i rettsmøte. Overskriften foreslås derfor endret til «Reglar for behandlinga av saka i rettsmøte». Første ledd er en sammenfatning av bestemmelsene i tvisteloven § 9-13 første ledd og annet ledd første punktum som gjelder styringen av hovedforhandlingen. Vi foreslår at bestemmelsen knyttes direkte opp mot behandlingen i rettsmøte: «Retten skal sørgje for at saksavviklinga i rettsmøte går føre seg på hensiktsmessig måte, og skjer konsentrert og forsvarleg utan unødig tidsspill for retten, partane, vitne og sakkunnige.» Annet ledd gjelder saksforberedelsen og bør etter vår vurdering heller innarbeides i § 6-11. Dersom en også ønsker en særlig regulering av fremgangsmåten i rettsmøte, bør en heller søke å utforme en generell norm som kan ta utgangspunkt i tvi. § 9-15 og tilpasses karakteren til rettsmøtene i jordskiftesaker.»

*Domstoladministrasjonen (DA)* uttaler:

«Første ledd (i høyringsforslaget § 6-15) svarer til deler av tvisteloven § 9-13, men gjelder saksavviklingen generelt og ikke kun hovedforhandling. Dette er begrunnet med at prosessen ved behandlingen av de rettsendrende sakene skiller seg fra prosessen i rettsfastsettende saker. Bestemmelsen burde kunne forstås som en spesialregel som setter tvisteloven § 9-13 til side. Tredje ledd er etter sitt innhold sammenfallende med tvisteloven § 9-14 første ledd, med unntak av at denne ikke er begrenset til å gjelde hovedforhandling. Dette oppfattes som et supplement til tvisteloven § 9-14 første ledd, og det er da naturleg å foreta en henvisning til denne. Fjerde ledd er overflødig, og bør gå ut. Som ovenfor nevnt mener vi at tvisteloven § 9-13 bør kunne anses som positivt unntatt i kraft av spesialregelen i utkastet § 6-15 første ledd. Ellers vil det følge av utkastet § 6-1 andre ledd at tvisteloven §§ 9-14 til 9-17 gjelder så langt de passer. Det kan imidlertid reises spørsmål ved hvor godt disse bestemmelsene passer for de rettsendrende sakene. Vi savner en gjennomgang av hvordan det vil slå ut i praksis at disse bestemmelsene i tvisteloven er gjort gjeldende (så langt de passer) også for de rettsendrende sakene.»

*Jordskifteoverrettane* meiner siste leddet i høyringsforslaget § 6-15 bør gå ut, og uttaler vidare:

«Det bør vere tilstrekkelig med ein generell tilvising slik det gjerast i § 6-1. Hovudforhandling er eit lite fleksibelt verktøy for jordskiftesaker med mange partar og vi stiller spørsmål ved om desse reglane berre skal gjerast gjeldande ved handsaming av tvistar i jordskifteretten.»

*Jordskifterettane Agder jordskiftedømme* meiner òg at paragrafen kan kortast ned. Det er nok med den generelle tilvisinga i § 6-1 i forslaget.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* har innspel til rekkefølga på dei paragrafane som gjeld for saksavviklinga.

*Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler:

«Hovedforhandling kom inn i jordskifte i 1998. Gikk ut igjen 1.1.2008 med ny tvistelov da henvisninga fra jordskifteloven § 97 mangla. Kommer nå inn igjen med § 6-15. OK. Siste ledd må presiseres slik at det framgår at bestemmelsene om hovedforhandlingar kun gjelder tvistebehandling. I forslaget synes det som om det gjelder alle sakstyper.»

*Jordskifterettslederne og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* uttaler:

«Uttrykket «så snart retten gir partene høve til det skal dei sette fram og grunngi krava sine». Dette er noe partene blir mer forpliktet til allerede når de krever sak etter det nye lovforslaget. Det er ikke slik at retten skal gi et signal om at nå må partene sette seg i sving. Det som er viktig er at retten kan sette frister for endelige krav m.v. Første setning i andre ledd kan derfor tas ut. Vi er i mot at bestemmelsene om hovedforhandling skal gjøres gjeldende i jordskifteprosessen ved behandling av kap. 3 saker. Viktige stikkord ved en hovedforhandling er påstander, påstandsgrunnlag, bevisføring, og å ta saken opp til doms. Dette passer dårlig særlig i de rettsendrende sakene, men også i rettsfastsettende saker uten tvist. Ved behandlingen av tvister er det naturleg at bestemmelsene gjelder. I siste ledd må det derfor presiseres at det er ved behandling av saker etter kap. 4 i jordskifteloven at § 9-13 – § 9-17 i tvisteloven skal gjelde.»

*Jordskiftedommarane i Gulating* uttaler (i merknadane til høyringsforslaget § 6-1):

«Me er usikre på om reglane i tvistelova §§ 9-13 til 9-17 bør gjerast gjeldande for jordskiftesaker. Reglane høver sjølvstilt for forhandlingane der det skal avseiast dom og ordskurd, men høver mindre godt i jordskiftesaker.»

*Jordskifteoverrettane* uttaler om § 6-15 i høyringsforslaget:

«Siste ledd bør gå ut. Det bør vere tilstrekkelig med ein generell tilvising slik det gjerast i § 6-1. Hovudforhandling er eit lite fleksibelt verktøy for jordskiftesaker med mange partar og vi stiller spørsmål ved om desse reglane berre skal gjerast gjeldande ved handsaming av tvistar i jordskifteretten.»

#### 12.3.2.2.3 Departementets vurderingar

Regelen i tvistelova § 9-13 andre ledd gir uttrykk for eit svært sentralt prinsipp, nemleg at retten skal syte for at hovudforhandlinga skjer konsentrert og forsvarleg utan unødig tidsspille for retten, partar, vitne og sakkyndige. I Ot.prp. nr. 51 (2004–2005) uttaler Justisdepartementet på side 179:

«Departementet anser en mer aktiv saksstyring som meget viktig av flere grunner. Det vil legge til rette for mer effektiv rettspleie med kortere saksbehandlingstid, og de nye lovreglene vil gi retten langt bedre styringsmekanismer til å nå de mål som vil føre til en rimeligere prosess. Det tenkes her på målet om at saksbehandlingen skal konsentreres om de sentrale tvistetemaene i en sak, og målet om at saksbehandlingens omfang skal tilpasses sakens viktighet.

Aktiv saksstyring er også viktig på andre måter. Når retten helt fra mottak av stevning, og i særlig grad fra tilsvaret er innkommet, har sin oppmerksomhet rettet mot styring av saken, vil det også falle mer naturlig for retten at den så tidlig som mulig utfører sin oppgave med å bringe klarhet i partenes påstandsgrunnlag og bevisstilbud, jf. 13.5. Det vil redusere risikoen for at påstandsgrunnlag og bevisstilbud blir prekludert, og det vil øke sjansen for at retten kan basere sin avgjørelse på flest mulig av de omstendigheter som er relevante, slik at sjansen for en riktig avgjørelse blir størst mulig. En hensiktsmessig utforming av det samlede bevisstilbud vil også kunne være avhengig av hvilken måte fagkyndighet blir tilført retten på – ved å legge fram utredninger som er gjort av eller for partene, ved at partene fører sakkyndige vitner, ved at retten oppnevner sakkyndige, eller ved at det oppnevnes fagkyndige meddommere. Det er derfor gunstig å treffe avgjørelse om disse spørsmålene tidligst mulig.

Departementet ser det også som viktig at reglene om rettens saksstyring innebærer at det straks etter tilsvaret rutinemessig blir tatt stilling til om det bør mekles mellom partene, gjennom rettsmekling eller mekling i rettsmøte.»

Omsynet til effektiv saksbehandling, konsentrasjon om sentrale tema i ei sak og målet om å tilpasse saksbehandlingen til kor viktig saka er, gjeld òg i høve til saksbehandlingen i jordskifterettene. Prosessen for jordskifterettene samsvarar likevel ikkje fullt ut med prosessen for dei ordinære domstolane, der hovudforhandling eller ei munnleg sluttbehandling normalt er grunnlaget for dei avgjerdene retten tek. Jordskifteprosessen er rett nok basert på munnleg behandling og bevisføring i rettsmøte, men det er meir sjeldan at dette skjer i eit enkelt rettsmøte som det er naturleg å samanlikne med ei hovudforhandling. Her er det likevel ein viss forskjell mellom behandlinga av rettsen-

drande saker (jordskifte) og rettsfastsetjande saker (grensefastsetjing og rettsutgreiing), der dei sistnemnde i større grad følgjer hovudforhandlingsmodellen.

Under høyringa av lov om endringer i tvistelova (Ot.prp. nr. 74 (2005–2006)) uttalte Landbruks- og matdepartementet mellom anna at departementet var samd i at føresegnene i tvistelova om hovudforhandlinga ikkje bør gjelde jordskifteprosessen «bortsett frå når det skjer tvistebehandling som i dag». På side 23 i proposisjonen uttaler Justisdepartementet:

«Når henvisningen til reglene om hovedforhandling sløyfes, blir det enklere å vise til de generelle reglene i tvisteloven kapittel 11, slik at hovedregelen om jordskifterettens avgjørelsesgrunnlag blir den fleksible regelen i § 11-1 annet ledd. Departementet ser ikke betenkeligheter ved at dette også blir situasjonen når jordskifteretten skal avgjøre en tvist ved dom. For øvrig er ikke opphøret av henvisningen til regelen for hovedforhandling til hinder for at jordskifteretten kan fortsette med å la rettsmøtet for den muntlige behandlinga av tvisten og forberedelsene til det rettsmøtet i stor utstrekning skje etter et opplegg som tilsvaret tvistelovens regler.»

Gjeldande jordskiftelov § 97 viser ikkje til føresegnene i tvistelova kapittel 9 III Hovedforhandlingen, ut over ei tilvising til tvistelova § 9-16 om endring i krav, påstand, påstandsgrunnlag og bevis (sjå òg gjeldande jordskiftelov § 15 som viser til same paragrafen i tvistelova).

Departementet meiner at nokre av prinsippa i tvistelova bør skrivast inn i jordskiftelova. Dette gjeld særleg prinsippet i § 9-13 om konsentrert, effektiv og forsvarleg saksbehandling. Forslag til regel går fram av § 6-12 første ledd, der departementet har gjort regelen meir generell ved at det blir vist til behandlinga i rettsmøte, slik det er foreslått av Justisdepartementet, og ikkje til hovudforhandling. Prinsippet om «bevisumiddelbarhet» i tvistelova § 9-14 bør òg takast inn, sjå lovforslaget § 6-12 andre ledd, men slik at uttrykket «umiddelbart» blir endra til «direkte». Endringa blir gjort av språklege grunnar, og inneber ikkje forskjellar i innhaldet.

Ut over dette meiner departementet det ikkje er grunnlag for å gjere reglane i tvistelova §§ 9-13 til 9-17 om hovudforhandlinga gjeldande» så langt dei høver» for alle sakstypar, slik arbeidsgruppa foreslår. Høyringsinstansane, mellom dei DA, jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme

og Jordskifterettslederne og jordskifteoverdommeren i Frostating jordskiftedømme, synest å vere nokså samstemmige i at desse paragrafane ikkje passar for behandlinga av dei rettsendrande sakene (jordskifte), men at dei kan passe for behandlinga av tvistar. Departementet har difor utforma § 6-12 tredje ledd slik at reglane om hovudforhandlinga i tvistelova §§ 9-14 til 9-17 gjeld så langt dei høver «ved behandlinga av tvist om grenser, eigedomsrett, rettar og anna». Denne formuleringa korresponderer med formuleringa i lovforslaget § 6-23 om kva avgjerdsform som skal brukast ved tvist i rettsfastsetjande spørsmål (dom). I lovforslaget § 6-14 om grunnlaget for avgjerdene, er det elles tatt inn reglar som tilsvare tvistelova § 11-1 (men i ei litt omskriven form). I § 6-14 gjerast det klart at behandlinga i rettsmøte går inn i grunnlaget for dei avgjerdene jordskifteretten tek. I tillegg til dette kjem synfaringar (som også er rettsmøte), dokument, uttalar etter lovforslaget §§ 6-21 og 6-22 og så vidare. Om saka er ei tvistesak og ho blir behandla med hovudforhandling, er òg hovudforhandlinga del av grunnlaget for avgjerda.

### 12.3.2.3 Rettsbøker

#### 12.3.2.3.1 Høyringsforslaget

Gjeldande jordskiftelov § 22 gir tvistelova kapittel 13 II Rettsbøker verknad for føringa til jordskifterettane av rettsbøkene. Arbeidsgruppa foreslår at det same skal gjelde etter den nye jordskiftelova, jf. høyringsforslaget § 6-22, som òg handlar om tinglysing og melding til kommunen etter lov om eigedomsregistrering. Arbeidsgruppa legg til grunn at endringane, i tråd med det som er sagt i Ot.prp. nr. 74 (2005–2006) side 23, ikkje vil hindre jordskifterettane i å halde fram med å ta inn alle rettsavgjerdene i rettsboka.

#### 12.3.2.3.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen (DA)* uttalar om høyringsforslaget § 6-22:

«Første ledd er en ren henvisning til tvisteloven kapittel 13 II, som allerede er gjort gjeldende ved den generelle henvisningen i § 6-1 andre ledd. Første ledd er unødvendig, i tillegg til at det bryter med systematikken som naturlig følger av § 6-1. Vi anbefaler derfor at første ledd går ut, og at utkastet § 6-22 kun omhandler tinglysing.»

*Jordskiftedommarane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner òg at høyringsforslaget § 6-22 første ledd om rettsbøker kanskje er unødvendig, i og med at kapittel 13 II i tvistelova òg gjeld for jordskifteretten.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* uttalar i ein felles høyringsuttale at reglane om rettsboka bør stå i ein eigen paragraf, og ikkje bli blanda saman med tinglyst utdrag og melding om avslutta sak. *Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme foreslår* ein alternativ ordlyd i paragrafen.

#### 12.3.2.3.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner på same måten som arbeidsgruppa, at reglane i tvistelova kap 13 II om rettsbøker kan gjelde tilsvarende i ny jordskiftelov så langt dei høver. Dette er same ordninga som etter gjeldande jordskiftelov § 22 tredje ledd, sjå òg § 97 første ledd bokstav b. Departementet foreslår ein eigen paragraf om føring av rettsbøker, sjå lovforslaget § 6-13. Departementet meiner, i motsetnad til DA og jordskiftedommarane i Eidsivating jordskiftedømme, at regelen ikkje er overflødig.

I jordskiftedomstolane er det tradisjon for eit utvida rettsbokomgrep, samanlikna med dei alminnelege domstolane. Både rettsbøker frå rettsmøte, frå hovudforhandlingar og avgjerder som dom og orskurd blir kalla rettsbok. Dette er naturleg, da det i dei fleste saker for jordskifteretten, og da spesielt i dei rettsendrande, blir halde fleire rettsmøte og det blir teke fleire avgjerder undervegs i saka. Den samla rettsboka har gjennomgåande sidetalsnummerering, noko som gjer det lett å halde orden og ha oversikt over saksgangen. Denne praksisen treng ein ikkje endre som følge av den nye lova.

Reglar om tinglysing og melding til matrikkelstyresmaktene, er òg gitt i eigne paragrafar. Dette gir meir oversiktlege reglar enn i høyringsforslaget, og det er i samsvar med høyringsuttalen frå jordskifterettane i Agder jordskiftedømme.

I § 6-13 andre ledd er det lagt inn ein regel om at partane skal ha tilgang til rettsboka. Regelen tilsvare gjeldande jordskiftelov § 22 tredje ledd tredje punktum, men er utforma slik at retten ikkje treng å sende utskrift til partane etter kvart rettsmøte, slik ordninga er etter gjeldande jordskiftelov. Departementet meiner utsending ikkje er nødvendig for å halde partane informerte om framdrifta i sakene i dag. Det må vere nok at retten legg til rette for at partane får tilgang til rettsboka, for eksempel gjennom nettbaserte løysingar, og at retten informerer partane på høveleg



måte om kor dei kan finne ho. I tillegg til denne regelen gjeld dessutan tvistelova kapittel 14 om offentlegheit og innsynsrett, tilsvarende for jordskifterettane, sjå § 6-1 bokstav i.

Regelen i gjeldande jordskiftelov § 22 tredje ledd andre punktum, som inneheld ein heimel for departementet til å gi nærare reglar om føring av rettsboka, er ikkje teken med i lovforslaget. Forskriftsheimelen synest å vere unødvendig ved sida av lovforslaget § 6-13 og reglane i tvistelova.

### 12.3.3 Generelle reglar

#### 12.3.3.1 Grunnlaget for avgjerdene

##### 12.3.3.1.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår ein regel i den nye lova om kva som er grunnlaget for avgjerdene i retten, jf. høyringsforslaget § 6-18. Lova bør òg – slik det er etter gjeldande jordskiftelov – byggje på at det i jordskiftesakene ikkje nødvendigvis skal haldast eit rettsmøte som det er naturleg å kalle hovudforhandling. Utforminga av regelen er difor noko annleis enn den motsvarande regelen i tvistelova § 11-1 Grunnlaget for rettens avgjørelser. Det er mellom anna ikkje nokon referanse til «hovudforhandlinga» i oppramsinga av kva jordskifteretten skal ta sine avgjerder på grunnlag av («behandlinga i rettsmøte, under dette synfaringar, dokumenta i jordskiftesaka, verdsetjing og uttale om forslag til jordskifteløysing»). I høyringsforslaget § 6-18 andre ledd foreslår arbeidsgruppa ein regel som tilsvarende tvistelova § 11-1 tredje ledd, om at retten ikkje kan byggje avgjerdene sine på faktiske tilhøve som partane ikkje har hatt oppmøding til å uttale seg om.

##### 12.3.3.1.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* er samd i at den nye jordskiftelova bør ha ein regel som viser kva som er grunnlaget for avgjerdene i retten:

«Bestemmelsen bør plasseres sammen med de øvrige generelle reglene, for eksempel veiledningsregelen, en generell regel om aktiv saksstyring og en regel om rettens forhold til partenes prosesshandlig ovenfor. Videre er vi enige i at en ikke uten videre kan bygge på det «hovedforhandlingsprinsippet» som fremgår av tvl. § 11-1 første ledd. Men vi spør om det ikke likevel er grunn til en nærmere oppdeling av reguleringen av avgjørelsesgrunnlaget for tilfeller hvor det avsies dom og andre avgjørel-

ser. Vi er også enig i at den generelle regelen om kontradiksjon inntas i annet ledd.»

*Miljøverndepartementet* uttaler om høyringsforslaget § 6-18:

«Her bør det klargjøres at jordskifteretten skal bygge sine avgjørelser på foreliggende rettsregler og forvaltningsvedtak.»

*Domstoladministrasjonen (DA)* uttaler:

«Første ledd oppfattes som en spesialregel som setter tvisteloven § 11-1 første og andre ledd til side. DA er enig i at det her er behov for en spesialregel. Andre ledd svarer til tvisteloven § 11-1 tredje ledd, og er slik vi oppfatter det ment å være i samsvar med denne. Vi anbefaler derfor at det gjøres en henvisning til tvisteloven § 11-1 tredje ledd for å unngå tolkningstvil. En henvisning er dessuten med på å understreke at formuleringen «ikkje har hatt grunn til» er ment å være dekkende for tvistelovens «ikke har hatt foranledning til».

*Jordskifteoverrettane* uttaler:

«Første ledd bør i oppramsinga (i høyringsforslaget § 6-18) supplerast med «og andre bevis» som også vil dekke vitne- og sakkyndige sine forklaringar. Partane sine forklaringar om verdsetjing bør også telje med, ikkje berre forklaringa til løysinga. Andre ledd er henta frå tvl. § 11-1 (3). Ved oversetning til nynorsk har innhaldet blitt eit anna når «foranledning» er blitt oversatt med «grunn». Her bør ein velje eit meir passende uttrykk som nettopp fangar opp at partane er gitt anledning til å uttale seg om det faktiske grunnlaget.»

*Jordskifterettene i Agder jordskiftedømme* samde i utsegna når det gjeld første ledd, men meiner at andre ledd kan strykast.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler til høyringsforslaget § 6-18, med støtte frå *Jordskifteretten i Sør-Trøndelag og jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme*:

«I første ledd bør det stå bare «saka» i stedet for «jordskiftesaka». Disse reglene skal jo gjelde også for grense- og rettsutgreiingssaker, jf. § 6-1. »...verdsetting og uttale om forslag til jordskifteløysing» burde være unødvendig. Både verdsettinga og utkast til jordskifteløysing og

skriftlege merknader til denne, vil vere dokument i saka. Muntlege merknader er dekkja av behandlinga i rettsmøte. Annet ledd inneheld det same som § 11-1 tredje ledd i tvisteloven, men med en litt annen ordlyd. Dette bidrar til å skape unødvendig forvirring. § 11-1 er jo av de bestemmelse som er gjort gjeldende for jordskifteretten «så langt dei høver» etter § 6-1. Det bør vere uproblematisk å forholde seg til dette, og det mest riktige er at hele leddet strykes. Dersom leddet beholdes, må «grunn til» erstattes med «høve til». Det er høvet/muligheten til å uttale seg som skal sikres. «Grunn til» sikter til en mer subjektiv vurdering fra partens ståsted. Regelen er fulgt dersom jordskifteretten har gitt parten høve til å uttale seg, selv om parten har hatt grunn til å avstå frå uttale. Det bør vurderes om paragrafen er nødvendig. Kap. 11 i tvisteloven skal også gjelde for jordskifteretten»

*Jordskiftedommarane i Gulating meiner òg andre ledd kan strykast, eventuelt omformulerast, slik jordskiftedommarane i Eidsivating jordskiftedømme går inn for.*

#### 12.3.3.1.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at den nye lova bør ha ein regel om kva som er grunnlaget for dei avgjerdene retten tek, sjå lovforslaget § 6-14. Dette foreslår arbeidsgruppa og det får støtte frå høyringsinstansane, i alle fall så langt det gjeld første ledd i høyringsforslaget, der det er ein regel om grunnlaget for avgjerda som er tilpassa behandlinga i jordskifteretten. I lovforslaget er det lagt inn ein tilsvarende, litt omformulert regel. Regelen er plassert i kapittel 6 IV Generelle reglar, saman med mellom anna § 6-16 om rettleiing, slik Justisdepartementet foreslår i høyringa.

Lovforslaget byggjer på at det i jordskiftesakene ikkje nødvendigvis skal haldast eit rettsmøte som det er naturleg å kalle for hovudforhandling. Arbeidsgruppa uttaler på side 192 mellom anna følgjande om forskjellane mellom jordskifteprosessen og prosessen for dei ordinære domstolane:

«Jordskifteprosessen samsvarar ikkje fullt ut med prosessen for dei ordinære domstolane, der hovudforhandling eller ei munnleg sluttbehandling normalt utgjer grunnlaget for retten si avgjerd. Jordskifteprosessen er også basert på munnleg behandling og bevisføring i rettsmøte, men det er meir sjeldan at dette skjer i eit enkelt rettsmøte som det er naturleg å saman-

likne med ei hovudforhandling. Her er det likevel ein viss forskjell mellom behandlinga av rettsendrande og rettsfastsetjande saker, der dei sistnemnde i større grad følgjer hovudforhandlingsmodellen. Under høyringa av lov om endringar i tvisteloven (Ot.prp. nr. 74 (2005–2006)) uttalte Landbruks- og matdepartementet mellom anna at departementet var einig i at tvisteloven sine føresegner for hovudforhandling ikkje bør gjelde jordskifteprosessen «bortsett frå når det skjer tvistebehandling som i dag». På side 23 i proposisjonen uttaler Justisdepartementet: «Når henvisningen til reglene om hovedforhandling sløyfes, blir det enklere å vise til de generelle reglene i tvisteloven kapittel 11, slik at hovedregelen om jordskifterettens avgjørelsesgrunnlag blir den fleksible regelen i § 11-1 annet ledd. Departementet ser ikke betenkeligheter ved at dette også blir situasjonen når jordskifteretten skal avgjøre en tvist ved dom. For øvrig er ikke opphøret av henvisningen til regelen for hovedforhandling til hinder for at jordskifteretten kan fortsette med å la rettsmøtet for den muntlige behandlinga av tvisten og forberedelsene til det rettsmøtet i stor utstrekning skje etter et opplegg som tilsvarende tvistelovens regler.»

Regelen om grunnlaget for avgjerda må difor bli ein annan enn i tvistelova § 11-1. Det er ikkje nokon referanse til «hovudforhandlinga» i oppramsinga av kva jordskifteretten skal ta sine avgjerder på grunnlag av. Jordskifteretten skal som før bygge avgjerdene sine på det som kjem fram i rettsmøte (under dette synfaringar som òg er rettsmøte), dokumenta i saka og andre bevis, sjå uttalen frå jordskifteoverrettane. I jordskiftesakene skal den endelege jordskifteløysinga òg byggje på dei uttalanene som blir henta inn om forslaga til jordskifteløysing eller om fastsetjing av grenser og rettar, sjå lovforslaget §§ 6-21 og 6-22. Verdsetjing av det som skal gå i byte etter § 3-14 vil òg inngå i grunnlaget for avgjerda for den endelege jordskifteløysinga. Regelen fangar opp den moglegheita retten har til å ta avgjerder etter forhandlingar i rettsmøte under saksførebuinga, sjå tvistelova § 9-5 (4).

I høyringsforslaget § 6-18 andre ledd har arbeidsgruppa skrive inn kontradiksjonsprinsippet omtrent slik det står i tvistelova § 11-1 tredje ledd. Justisdepartementet meiner dette prinsippet bør gå fram av den nye jordskiftelova, medan andre høyringsinstansar, som jordskiftedommarane i Eidsivating jordskiftedømme og jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme, meiner

dette er unødvendig. Departementet er samd med Justisdepartementet i at regelen bør takast inn, sjå lovforslaget § 6-14 andre ledd. Regelen gir uttrykk for eitt av dei heilt sentrale prinsippa i sivilprosessens, og det bør difor kome til uttrykk direkte, ikkje berre gjennom ei tilvising til tvistelova § 11-1 tredje ledd.

Skilnadene mellom tvistelova og jordskifteprosessen gjer òg at ei direkte tilvising til tvistelova § 11-1 kan skape noko tvil om kva for regel som gjeld. Reglane i lovforslaget § 6-14 er difor laga slik at dei skal kunne dekkje behovet for reglar for jordskifteretten. I den grad det er behov for utfyllande reglar, vil tvistelova § 11-1 likevel gjelde tilsvarende så langt den høver, sjå § 6-1 andre ledd bokstav f.

Etter forslag frå jordskifteoverrettane er «andre bevis» teke med i opprekninga i første ledd første punktum, over kva retten skal ta avgjerd på grunnlag av. Formuleringa «dokumenta i saka» er teken inn etter forslag frå jordskiftedommarane i Eidsivating jordskiftedømme, jordskifteretten i Sør-Trøndelag og jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme. Formuleringa «ikkje har hatt oppmoding til å gi merknader om» i andre ledd, er meint å dekkje formuleringa i tvistelova som seier «ikke har hatt foranledning til å uttale seg om», sjå tvistelova § 11-1 (3). Formuleringa er vald av språklege grunnar og er ikkje meint å ha eit anna meningsinnhald enn formuleringa i tvistelova, slik enkelte av høyringsinstansane reiser spørsmål om.

Når det gjeld forvaltingsvedtak, for eksempel reguleringsplanar, går det fram av lovforslaget § 3-17 at jordskifteløysingar ikkje må vere i strid med bindande offentlege føresegnar om arealbruk, og at nødvendige løyve må liggje føre. Dette er vel ein nokså sjølvsaugt regel i dag, men han er teken med for å unngå mogleg tvil på dette punktet. Den klargjeringa Miljøverndepartementet foreslår er dermed innarbeidd.

### 12.3.3.2 Bevis

#### 12.3.3.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 6-16 reglar om plikta partane har til å opplyse saka og tilby dei bevis dei har. Første ledd i paragrafen er bygd på tvistelova § 21-4 *Partenes sannhets- og opplysningplikt*. I andre ledd blir reglane i tvistelova femte del om bevis gjort gjeldande på tilsvarende måte for saker for jordskifteretten. Arbeidsgruppa meiner det ikkje er grunn til å gjere spesielle un-

tak her. I høyringsforslaget § 6-27 foreslår arbeidsgruppa ein regel om at retten kan nytte sakkunnig hjelp i særskilte spørsmål, når han finn det nødvendig. Regelen fører vidare gjeldande jordskiftelov § 94.

#### 12.3.3.2.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* uttaler til høyringsforslaget § 6-16:

«Fjerde ledd overlapper til en viss grad den særlige henvisningsregelen i lovutkastet § 6-14 annet ledd. Bestemmelsene bør etter vår vurdering samordnes bedre, fortrinnsvis ved en henvisning til tvistelovens bevisregler. Bestemmelsen bør plasseres sammen med de øvrige bevisreglene i lovutkastet kapittel 6, jf ovenfor om oppbygning i underkapitler.»

Og til høyringsforslaget § 6-27:

«Bestemmelsen bør plasseres i tilknytning til de øvrige bevisreglene i lovutkastet kapittel 6, og inntas i et eget underkapittel om bevis, jf ovenfor om oppbygningen av kapittel 6.»

*Domstoladministrasjonen (DA)* uttaler:

«Første til tredje ledd (i § 6-16) svarer til tvisteloven § 21-4, og framstår som en ren gjengivelse av denne. I fjerde ledd foretas en henvisning til tvisteloven femte del. Det følger av den generelle henvisningen i § 6-1 andre ledd at denne delen av tvisteloven er gjort gjeldende. Bestemmelsen er i sin helhet overflødig. DA mener som nevnt at det er uheldig å bryte med systematikken som følger av § 6-1, og at bestemmelsen av den grunn bør gå ut. Dersom bestemmelsen blir stående bør den i så fall forenkles. Vi foreslår at den for eksempel kan gis slik ordlyd: «Partane skal sørge for at saka blir riktig og fullstendig opplyst, jf. tvisteloven § 21-4.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* uttaler:

«Denne paragrafen kunne kanskje vore korta ned, reglane her følgjer av dei deler av tvistelova som er gjort gjeldande for jordskifteretten. Eksempel på nedkorting utan endring i innhald: i 1. ledd 2. setning kan det «stå tilby bevis» i staden for «tilby dei bevis dei har». Det hender sjølvprosederande parter får tak i jord-

skiftelova, for desse gjev reglane her nyttig informasjon, og det skadar ikkje om den blir ståande. Reglane i §6-15, 2. ledd bør inn her.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* uttaler:

«Paragrafen kan kortes ned til: «Partane skal sørge for at saka blir riktig og fullstendig opplyst. Dei skal greie ut om saka og tilby dei bevis dei har, sjå tvisteloven § 21-4.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* uttaler:

«Vi er enig i at det blir tatt inn en slik bestemmelse. Henvisingen til beviskapitlene i tvisteloven kan det stilles spørsmål ved nødvendigheten av. Det går fram av § 6-1 at de gjelder.»

#### 12.3.3.2.3 Departementets vurderingar

Dei kapitla i tvistelova som gjeld bevis (femte del – kapitla 21 til 28), er alle gjort gjeldande for behandlinga i jordskifterettane, sjå gjeldande jordskiftelov § 97. Gjeldande jordskiftelov § 15 seier dessutan: «Så snart retten gir partane høve til det, skal dei sette fram og grunngi krava sine, føre prov og gi dei opplysningane som blir kravde».

Reglane om bevis gjeld det faktiske grunnlaget for avgjerda i sakene. I tvistelova kapittel 21 finn ein mange av dei sentrale prinsippa for bevisføring. Det er mellom anna prinsippet om den frie bevisvurderinga domstolane gjer, den retten partane har til å føre bevis, plikta domstolane har til i visse høve å sørge for bevisføring, plikta partane har til å sørge for at saka blir opplyst rett og fullstendig, allmenne avgrensingar i retten til å føre bevis, bevisopptak og så vidare. Kapittel 22 inneheld reglar om bevisforbod og bevisfritak. Kapittel 23 har reglar om møte- og forklaringsplikta til partane. Kapittel 24 har reglar om vitnebevis (mellom anna om vitneplikt og møteplikt), kapittel 25 har reglar om sakkunnigbevis (fagkunnige vurderingar av faktiske tilhøve i saka) og 26 om realbevis, det vil seie «personer» eller «gjenstander» (som for eksempel kan vere fast eigedom eller dokument) som kan bidra til å opplyse det faktiske grunnlaget for avgjerda i saka. Kapittel 27 gjeld bevisopptak og kapittel 28 bevissikring utanfor rettssak.

Ein sentral regel om bevisføring er òg gitt i tvistelova § 11-2 andre ledd. Der står det at partane har hovudansvaret for å sørge for bevisføring. Retten kan likevel sørge for bevisføring dersom ikkje partane set seg i mot det. Retten er hel-

ler ikkje bunden av argumentasjonen til partane om bevisspørsmål, det vil seie kva som må reknast som bevist, og kva for vekt eit bevis skal ha. Etter tvistelova § 11-5 kan retten oppfordre ein part til å tilby bevis, noko som kan vere aktuelt der partane er sjølvprosederande og bevis av stor betydning ikkje vil kome fram om ikkje retten tek initiativ. Retten må likevel, her som elles, gå fram slik at han ikkje blir oppfatta som partisk.

Når det gjeld bevisreglane er det òg eit spørsmål kva ein skal ta med av reglar i jordskiftelova, og kva ein kan nøye seg med å vise til, eller la gjelde gjennom den generelle regelen i lovforslaget § 6-1. Meiniane om dette er litt ulike i høyringa. Fleire av instansane, som jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme og jordskifterettane i Agder jordskiftedømme, meiner ein kan klare seg med nokså kortfatta tilvisingsreglar. Domstoladministrasjonen meiner ein ikkje treng tilvising ut over høyringsforslaget § 6-1. Departementet har kome til at eit minimum av reglar om bevisføringa bør stå uttrykkeleg i den nye jordskiftelova, sjå lovforslaget § 6-15. Paragrafen framhevar mellom anna kva for plikter partane har til å sørge for at saka blir opplyst riktig og fullstendig, og til å leggje fram bevis. I tillegg visast det til at reglane i tvistelova kapittel 21 til 28 skal gjelde tilsvarende så langt dei høver. Dette inneber ei «dobbeltilvising» saman med lovforslaget § 6-1, men dette er gjort av informasjonsomsyn. Så langt råd er skal bevisa nemnast i kravet om sak, sjå lovforslaget § 6-2 andre ledd.

Reglane om bevis er ikkje plasserte i eit eige underkapittel slik Justisdepartementet foreslår. Dei er plasserte i underkapittel IV Generelle reglar, mellom anna saman med reglane om grunnlaget for avgjerdene, rettleiing av partane og minneleg løysing av sakene. Dette gir etter departementets oppfatning ei betre redigering av reglane.

Dei bevisa som blir ført for retten, vil i saker for jordskifteretten, som i saker for andre domstolar, vere grunnlaget for avgjerdene i jordskifteretten, sjå lovforslaget § 6-14 første ledd. Jordskifteløysingane, som inneber endringar i eigedoms- og brukstilhøve, vil òg byggje på verdsetjinga av det som skal gå i byte, og på fråsegnene frå partane om utkast til jordskifteløysing.

Retten kan ikkje byggje avgjerdene sine på faktiske grunnlag som partane ikkje har hatt «foranledning til å uttale seg om», sjå tvistelova § 11-1 tredje ledd og lovforslaget § 6-14 andre ledd. Det gjeld eit krav til kontradiksjon omkring dei faktiske tilhøva retten kan leggje til grunn. Dette i motsetnad til rettsbruken. Retten kan byggje på

ein annan rettsbruk enn det partane har lagt til grunn, utan at partane må få høve til å uttale seg om spørsmålet.

### 12.3.3.3 Rettleiing av partane

#### 12.3.3.3.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa meiner at rettleiingsplikta bør vere den same for jordskifterettane som for tingrettane. Gruppa framhevar likevel at jordskifterettane vil ha ei særleg plikt til å informere om det som er spesielt for jordskifterettane. Det er mellom anna kva for eigne verkemiddel jordskifterettane har, dei særlege sakskostnadsreglane som gjeld og så vidare. Gruppa viser til det store innslaget av sjølvprosederande partar i saker for jordskifterettane, og at rettleiingsplikta dermed er sær viktig. Arbeidsgruppa foreslår reglar om rettleiingsplikta i § 6-12. Paragrafen er dels ei avskrift av tvistelova § 11-5 Rettens veiledningsplikt, dels blir det vist til at § 11-5 skal gjelde tilsvarende for rettleiingsplikta til jordskifteretten, så langt regelen høver.

#### 12.3.3.3.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* uttaler om forslaget til reglar om rettleiingsplikta:

«Bestemmelsen bør bygges ut og i større grad innta hele tvl. § 11-5. Av lovutkastet nå fremgår verken vektlegginga av selvsproderende parter – som i enda større grad gjør seg gjeldende i saker etter jordskifteloven – eller den grunnleggende vurderingsterskelen etter tvl. § 11-5 syvende ledd. I tilknytning til dette spør vi om ikke loven bør innta den grunnleggende regelen i tvl § 11-2 om rettens forhold til partenes prosesshandlinger – eventuelt med nødvendige justeringer. Regelen bør i så tilfelle plasseres sammen med de øvrige generelle regler for saksbehandlingen.»

*Domstoladministrasjonen (DA)* viser til at regelen i høyringsforslaget delvis er eit gjentak av tvistelova § 11-5 og at det elles blir vist til denne paragrafen. DA oppfattar det slik at rettleiingsplikta etter forslaget skal vere den same i jordskifterettane som i dei alminnelege domstolane. DA uttaler òg om høyringsforslaget § 6-12:

«Bestemmelsen framstår som overflødig. Spørsmålet er om det av pedagogiske hensyn bør være en egen bestemmelse om veiled-

ningsplikten i jordskifteloven. DA mener at hensynet til en god og konsekvent lovsystematikk tilsier at det ikke gis en egen bestemmelse i jordskifteloven med samme innhold som en tilsvarende bestemmelse i tvisteloven. Det vises til våre kommentarer til § 6-1 ovenfor. Vi anbefaler at § 6-12 går ut. Dersom bestemmelsen blir stående bør den etter vår oppfatning krympes. Vi foreslår at den for eksempel kan gis slik ordlyd: Jordskifteretten skal gi partene slik rettleiing om reglar og rutinar for saksbehandlinga og andre formelle forhold som er nødvendig for at dei skal kunne ta vare på sine interessar i saka, jf. tvisteloven § 11-5.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner òg regelen om rettleiing kan kortast betydeleg ned.

*Jordskifterettene i Agder jordskiftedømme* meiner paragrafen kan kortast ned. Poenget må vere å gi kortfatta informasjon om rettleiingsplikta.

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommarane i Frostating jordskiftedømme* viser til at jordskifterettane òg tidlegare har hatt ei rettleiingsplikt og at reglane i tvistelova er gjort gjeldande i jordskifteprosessen. Ein kan derfor reise spørsmål ved om det er nødvendig å ta inn ein eigen paragraf om dette i jordskiftelova.

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* meiner at siste ledd i høyringsforslaget § 6-12, som viser til tvistelova § 11-5, kan strykast, fordi denne regelen blir dekt opp av høyringsforslaget § 6-1.

#### 12.3.3.3.3 Departementets vurderingar

Rettleiingsplikta er eit sentralt prinsipp i prosesslovgivinga. Departementet meiner difor det bør vere reglar om rettleiingsplikta i den nye jordskiftelova, sjå lovforslaget § 6-16. Gjeldande jordskiftelov seier ikkje noko direkte om rettleiingsplikta, men fordi tvistelova kapittel 11 gjeld for jordskifterettane er plikta likevel fastsett i lova, jf. § 97. Heile kapittel 11 i tvistelova vil gjelde tilsvarende så langt det høver òg etter lovforslaget, sjå § 6-1 andre ledd bokstav f.

Jordskifteretten er ein særdomstol, men innhaldet i rettleiingsplikta bør i utgangspunktet vere det same for jordskifterettane som for dei alminnelege domstolane. Særleg viktig er rettleiinga til dei sjølvprosederande partane. Desse er det fleire av i saker for jordskifterettane enn i saker for tingrettane. Det gir jordskifteretten eit større ansvar for å rettleie. Sjølvprosederande partar vil normalt ha behov for rettleiing om dei fleste sidene ved saksbehandling og prosedyre for retten. I den

grad det er nødvendig kan retten òg gi prosessfullmektigar rettleiing. Er retten klar over at det er gjort feil, vil retten ha ansvar for å gjere merksam på feilen, slik at han kan rettast. Departementet meiner liksom Justisdepartementet at den nye lova konkret bør framheve ansvaret retten har for dei sjølvprosederande partane, og det er teke inn eit eige ledd om dette i lovforslaget § 6-16.

I høyringa er det fleire uttalar om den lovtekniske løysinga. Nokre meiner at eigne reglar om rettleiingsplikta ikkje er nødvendige, eller at reglane i alle fall kan vere svært kortfatta. DA, jordskifteretten i Sør-Trøndelag, jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme og jordskifte-rettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme, uttaler seg slik. Departementet meiner at den nye jordskiftelova bør ha uttrykkelege reglar om rettleiingsplikt. Reglane bør gi uttrykk for dei mest sentrale prinsippa. Det er plikta til å gi prosessuell og materiell rettleiing, til å ta særleg omsyn til dei sjølvprosederande og at retten må utøve rettleiinga på ein måte som gjer at partane ikkje mister tilliten til at retten opptrer upartisk. Retten kan difor ikkje gi partane råd om kva for standpunkt dei bør ta til tvistes spørsmål eller kva for prosesshandlingar dei bør setje i verk. Retten skal ikkje gi partane direkte råd om kva for krav dei bør fremje, kva deira påstandar bør gå ut på, eller kva for påstandsgrunnlag og rettsreglar dei bør gjere gjeldande. På den andre sida vil retten kunne gi rettleiing eller orientering om rettsreglar slik at partane får eit rimeleg godt grunnlag for sjølv å ta stilling til kva for prosesshandlingar dei bør foreta. Dette er særleg aktuelt overfor sjølvprosederande partar.

Ein del av den hjelpa domstolane gir til partane, kan vere å setje opp skriftleg dei munnlege prosesshandlingane som partane gjer, sjå tvistelova § 12-1. Ein dommar som gir slik bistand med eit prosesskriv kan ikkje ta del i den vidare behandlinga av saka, sjå § 12-1 fjerde ledd. Som det går fram av kapittel 12.4.6 foreslår departementet mildare reglar når det gjelder inhabiliseringsverknaden for jordskiftedommarane. Dette har samanheng både med det store innslaget av sjølvprosederande partar, og det at jordskifterettane mange stader er små einingar, med berre ein dommar.

### 12.3.3.4 Minneleg løysing av saker for jordskifteretten. Mekling

#### 12.3.3.4.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår eit unntak for tvistelova kapittel 6 om forlikradsbehandling, sjå nærare omtale av dette i kapittel 12.4.4 nedanfor. I høyringsforslaget § 6-11 foreslår arbeidsgruppa å lovfeste at retten skal undersøkje om det er grunnlag for minnelege ordningar. Arbeidsgruppa uttaler at dette er noko retten normalt vil gjere, men at ein slik regel likevel kan takast med. Reglane i tvistelova kapittel 8 Mekling og rettsmekling i de allminnelige domstoler, foreslår arbeidsgruppa ikkje unntak for, jf. høyringsforslaget § 6-1 tredje ledd. Hovudregelen i tvistelova § 8-1, om plikta domstolane har til å vurdere om saka kan få ei minneleg løysing, vil dermed få verknad. Gruppa viser òg til at ein tilsvarende regel om mekling er gitt i tvistelova § 10-2 for småkravprosessen.

Tvistelova kapittel 8 II om rettsmekling blei det heller ikkje foreslått unntak for. Gruppa foreslår på den andre sida eigne reglar om forskrift om areal- og rettsmekling (høyringsforslaget § 6-24, som i det vesentlege førte vidare gjeldande reglar), utan at tilhøvet mellom dei ulike regelsetta blir drøfta nærare.

Arbeidsgruppa foreslår særskilte reglar om rettsforlik i høyringsforslaget § 6-23. Forslaget byggjer på tvistelova § 19-11.

#### 12.3.3.4.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* sluttar seg til forslaget om at det ikkje skal vere krav om forlikradsbehandling av sakene, og held i den samanhengen fram dei krava ein må stille til å vurdere minnelege løysingar:

«Videre slutter vi oss til arbeidsgruppens forslag om at det ikke skal være krav om forlikradsbehandling i de sakene jordskifteretten behandler, samt at tvisteloven kapittel 5 om plikter før sak reises ikke skal gjelde. Justisdepartementet peker imidlertid på at dette reiser særlige krav til dommerens oppmerksomhet knyttet til minnelige løsninger for saker som behandles av jordskifteretten. Især vil dette gjelde for saker hvor det er tvist, men synspunktet er av generell karakter.»

*Jordskifterettene i Agder jordskiftedømme* uttaler òg i samband med forslaget om ikkje å ha forlikradsbehandling:

«De fleste grensetvistsaker går i dag til jordskifteretten. Jordskifteretten har tradisjon og lang erfaring med å mekle i denne type saker. Jordskifteretten har høy kompetanse i tingsrett, og jordskifterettens personale har lang erfaring i mekling. I vårt distrikt vil en anta at ca. 50 % av tvistesakene løses gjennom forlik. Behandlingstiden for denne type saker er kort; ca. ½ -1dags varighet. I denne type sak er det nødvendig å få beskrevet, innmålt og tinglyst den aktuelle grensa. Dette har både et privat- og et samfunnsmessig aspekt. Partene ønsker klare grenseforhold, samtidig som det er et samfunnsansvar å bidra til at kartgrunnlaget blir best mulig. Enkle og oversiktlige saker løses i dag av jordskifteretten gjennom en rasjonell behandling og ved bruk av forsvarlige og enkle metoder. Vi vil advare mot at det innføres et ekstra saksbehandlingsledd (forliksråd) i saker forjordskifteretten.»

Jordskifterettene i Agder har òg forslag til visse endringar i ordlyden i høyringsforslaget § 6-23 om rettsforlik og § 6-24 om forskrifter om mekling.

*Domstolsadministrasjonen (DA)* uttaler òg til høyringsforslaget § 6-24 *Forskrifter om mekling*:

«Første ledd andre punktum bygger på at rettsmekling fortsatt skal være en forsøksordning i jordskifterettene. Det følger av den generelle henvisningen til tvisteloven i utkastet § 6-1 andre ledd at tvisteloven kapittel 8 vil gjelde for jordskifterettene. Dette betyr at rettsmekling foreslås innført som en fast ordning. Første ledd andre punktum må derfor gå ut. Av samme grunn må ordet «rettsmekling» i andre ledd strykes. Det kan videre reises spørsmål ved om det er hensiktsmessig å ha en egen forskriftshjemmel for arealmekling som forsøksordning. Det framstår som uklart hva som ligger i begrepet arealmekling. Dersom forskriftshjemmelen for arealmekling blir stående, vil vi anbefale en nærmere definisjon av begrepet, enten i § 1-3 eller i forarbeidene til loven.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler til høyringsforslaget § 6-23 om rettsforlik:

«Paragrafen bør flyttes slik at den har forbindelse med avgjerdsformene i § 6-19. Det gir meir logisk oppbygning.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* har òg forslag til endringar i ordlyden i høyringsforslaget § 6-23 første og andre ledd, og forslag til oppklaring som gjeld

fordelinga av sakskostnader etter forslaget fjerde ledd:

«Paragrafen sier noe om fordeling av sakskostnader ved forlik. Begrepet jordskiftekostnader er tatt ut av lovforslaget. Dermed er det uavklart om 4. avsnitt også omfatter gebyrer, meddommere etc. eller er det kun advokatutgifter etc. Bør klargjøre at det gjelder utgifter til sakkyndig hjelp og annet som kan dekkes etter tvistemålslovens bestemmelser. «Jordskiftekostnadene» kan partene også avtale fordeling om, men retten er ikke avhengig av at partene skal kreve at retten skal fordele (slik paragrafen sier).»

Når det gjeld arealmekling uttaler *Sør-Trøndelag jordskifterett*:

«Hvis arealmekling i det hele tatt vil bli tatt i bruk, bør definisjonen av begrepet tas inn i § 1-3. Rettsmekling antas å bli permanent ordning også i jordskifterettene. Det midlertidige i form av forsøksordning med tilhørende forskrifter bør derfor gå ut.»

*Jordskifterettene i Hålogaland jordskiftedømme* meiner elles at det er positivt med ei prøveordning med arealmekling, men at rettsmekling ikkje lenger bør vere ei prøveordning. Rettsmekling bør vere eit permanent verkemiddel i løysinga av saker etter kapittel 4 i lovforslaget (grensesak og rettsutgreiing).

*Jordskifteoverrettene* uttaler dette om rettsmekling og arealmekling i si fellesfråsegn:

«Sjølv om ordninga med rettsmekling så langt ikkje er mykje brukt så meiner vi at dagens forsøksordning må erstattast av ei permanent ordning slik som i dei alminnelige domstolar. Det som står om forsøksordning med rettsmekling må derfor strykast, og reglane i tvistelova må gjerast gjeldande slik utkastet legg opp til. Blir rettsmiddelordninga endra slik som foreslått vil rettsmekling automatisk også gjelde for jordskifteavgjerd som har blitt anka til lagmannsrett. Konsekvensen av dette må klarleggast i det vidare lovarbeidet. Vi er i tvil om det er behov for å ha arealmekling i dei rettsendrande sakene. I dei aller fleste tilfella vil sakshandsaminga i samband med å utarbeide planforslag vere på ein slik måte at ein fangar opp dei enkelte partars særlege interesser utan at ein treng å ha sær møte etc. Dersom ein skal

behalde arealmekling i lova må dette definerast i § 1-3.»

#### 12.3.3.4.3 Departementets vurderingar

I tvistelova er det lagt stor vekt på mekling og minnelege løysingar av tvistane. Gjennom tvistelova § 8-1 er domstolane på eit kvart trinn i saka gitt eit sjølvstendig ansvar for å vurdere om det er mogleg med ei minneleg løysing, heilt eller delvis. Regelen gjeld òg for jordskifterettane i dag, sjå gjeldande jordskiftelov § 97 første ledd bokstav a, som gjer tvistelova kapittel 8 I Minnelig løysing og mekling gjeldande. Tvistelova kapittel 7 har reglar om utanrettsleg mekling. Det vil seie mekling som skjer utanfor domstolane ved hjelp av ein meklar som partane, eventuelt tingretten, har oppnemnt. Ot.prp. nr. 51 (2004–2005) Om lov om mekling og rettergang i sivile tvister (tvisteloven) inneheld ei omfattande grunngiving av reglane om mekling, sjå særleg kapittel 10. Tvistelova kapittel 6 og 7 er ikkje gjort gjeldande for jordskifterettane i dag, og kapittel 6 vil heller ikkje bli det etter lovforslaget, sjå nærare om dette i kapittel 12.4.4. Kapittel 7 vil gjelde for så vidt som partane kan avtale utanrettsleg mekling etter kapittel 7 òg i dei tvistane som jordskifteretten kan avgjere, for eksempel tvist om eigedomsgrenser. Kapitlet treng ikkje nemnast i jordskiftelova for at det skal bli slik.

I gjeldande jordskiftelov § 17 siste ledd er det fastsett at jordskifteretten først bør prøve å mekle i saka, og at retten kan reise spørsmål om partane vil leggje tvistar under valgift. I gjeldande jordskiftelov kapittel 11 A Mekling (sjå § 89 b første ledd) er det òg gitt heimel for Kongen til å fastsetje nærare forskrifter om arealmekling og om forsøksordning om utvida mekling i jordskifterettane (rettsmekling). I andre ledd er det gitt føresegner om kva forskrifta kan innehalde. Slik forskrift er gitt av Landbruks- og matdepartementet 22. januar 2007 (FOR 2007-01-22 nr 80). Forskriftsreglane om rettsmekling ligg nær opp til reglane i tvistelova, men slik at dei er lempa til så langt det er nødvendig av omsyn til dei spesielle sakstypene jordskifteretten behandlar. Forskrifta skipar ei prøveordning, som gjeld fram til 1. april 2015.

I gjeldande jordskiftelov er det dessutan eit kapittel med reglar om minneleg jordskifte, sjå kapittel 9. Reglane tek utgangspunkt i at partane er samde om korleis jordskiftet skal gjennomførast før dei går til jordskifteretten, og at dei kan bringe avtalen inn for retten for godkjenning. Retten skal da gå fram på same måte som med krav om offentleg jordskifte, sjå gjeldande jordskiftelov

§ 82 første og andre ledd. Departementet foreslår å oppheve reglane om minneleg jordskifte, sjå vurderinga av dette i kapittel 8.36.1.

Etter departementets oppfatning bør tvistelova kapittel 8 I, om plikta retten har til å mekle, gjelde for jordskifterettane òg i framtida, sjå lovforslaget § 6-1 andre ledd bokstav c. Det er ein sterk tradisjon og kultur for mekling og vurdering av minnelege løysingar i jordskifterettane, og det er ikkje grunn til å tvile på at dette vil halde fram. Departementet viser mellom anna til uttalen frå jordskifterettene i Agder jordskiftedømme som understrekar dette. Dei reknar med at ca. 50 % av tvistesakane blir løyst gjennom forlik. Behandlingstida for denne type saker er òg kort da dei varer ca. ½ - 1 dag.

Det kan reisast spørsmål om det i tillegg til dei generelle reglane i tvistelova, er nødvendig med ein eigen regel i den nye lova kapittel 6, der plikta til å mekle og til å vurdere minnelege løysingar blir særskilt framheva. Departementet meiner at den nye jordskiftelova òg bør ha reglar som konkret gjeld plikta til å vurdere minnelege løysingar, på eit kvart trinn i saka. Dette standpunktet har mellom anna samanheng med at det ikkje er noko krav om forlikrådsbehandling i dei sakene jordskifteretten behandlar, og at dette, som Justisdepartementet viser til, reiser særlege krav til at retten er merksam på minnelege løysingar. Synspunktet er særleg aktuelt i saker der det er tvist. Det er difor behov for konkrete reglar om det i jordskiftelova, og ikkje la det gjelde indirekte gjennom ei tilvising, sjå lovforslaget § 6-17 første ledd.

Når det gjeld rettsmekling som nemnt i tvistelova kapittel 8 II, meiner departementet at reglane i tvistelova kan gjelde tilsvarande så langt dei høver, og så langt det er snakk om tvist innanfor kompetanseområdet til jordskifteretten, sjå lovforslaget § 6-18. Dette gjeld tvist i ei rettsfastsetjande sak, eller tvist under avklaring av rettstilhøva i ei jordskiftesak. Det er likevel behov for nokre særlege reglar, mellom anna knytt til det tekniske personalet til jordskifteretten som rettsmeklarar, og plikta retten har til å merkje, koordinatfeste og tinglyse resultatet av ei rettsmekling.

Reglane om rettsmekling blir ikkje gjort gjeldande for dei rettsendrande spørsmåla i ei jordskiftesak. Mekling er ein naturleg del av eit jordskifte, men reglane om rettsmekling høver ikkje. Jordskifteretten lagar forslag, legg dei fram for partane og justerer forslaga. Forslaga til løysing kan innehalde mange element eller enkeltdelar. Partane er kanskje samde i nokre av dei, kan godta andre, men er kanskje usamde i nokre av elementa. Jordskifteavgjerda er gjerne ei «pakke-



løysing» som alt i alt gir ei god løysing for eigedommane eller rettane som den gjeld for. Når det ikkje skal vere rettsmekling inneber dette at ein ikkje kan bruke særmøte ved avgjerd etter kapittel 3 i lova. Retten kan ikkje ta i mot opplysningar som ikkje kan gjerast kjend for alle partar. Jordskifteavgjerdene vil heller ikkje kunne bli rettsforlik, noko som vil vere problematisk i høve til at jordskifteavgjerdene skal kunne vurderast på nytt etter 10 år, sjå § 3-37.

Departementet foreslår at forskriftsheimelen om arealmekling i gjeldande jordskiftelov ikkje skal først vidare. Forskrift om arealmekling er hittil ikkje gitt, og departementet har ikkje registrert nokon etterspurnad etter det heller. I Ot.prp. nr. 78 (2004–2005) Om lov om endringer i jordskifteloven m.v. blir arealmekling forklart slik: «Med arealmekling menes utenrettslig mekling med grunneiere som blant anna vil fremme private planforslag etter plan- og bygningsloven. Aktuelle spørsmål som tas opp til mekling, kan bl.a. være organisering av planarbeidet, f. eks. ved etablering av lag, fordeling av planskapt arealverdier og kostnader ved ulike felles tiltak og avbøting av planskapt ulemper.» Departementet viser òg til uttalen frå jordskifteoverrettane der dei gir uttrykk for tvil om behovet for arealmekling: » Vi er i tvil om det er behov for å ha arealmekling i dei rettsendrande sakene. I dei aller fleste tilfella vil sakshandsaminga i samband med å utarbeide planforslag vere på ein slik måte at ein fangar opp dei enkelte partars særlege interesser utan at ein treng å ha særmøte etc.».

### 12.3.3.5 Framlegging av forslag til jordskifteavgjerd og fastsetjing av grenser, rettar og anna

#### 12.3.3.5.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa fremjar i høyringsforslaget §§ 3-19 og 4-4 forslag om særskilde reglar om saksbehandling for framlegging av forslag til jordskifteløysing, og forslag til fastsetjing av grenser og rettar. Høyringsforslaga skal avløyse reglane i gjeldande jordskiftelov §§ 17 a og 20.

Føresetnaden for reglar om forslag til fastsetjing av grenser og rettar, er at det ikkje er tvist mellom partane. Den endelege avgjerda om fastsetjing av grenser eller rettar skal jordskifteretten ta i form av «semjedom» når det ikkje er tvist. (Høyringsforslaget om å innføre avgjerdsforma «semjedom» er behandla i proposisjonen kapittel 12.3.4).

I høyringsforslaget § 3-19 tredje ledd foreslår arbeidsgruppa ein regel om at jordskifteløysingane ikkje skal vere i strid med bindande føresegner om arealbruk i jordskifteområdet. Regelen skal i hovudsak føre vidare gjeldande jordskiftelov § 20 a. Dette høyringsforslaget er behandla i proposisjonen kapittel 8.22. I høyringsforslaget § 3-19 siste ledd foreslår arbeidsgruppa ein regel om at jordskifteavgjerder som blir tekne undervegs i saka, kan endrast av jordskifteretten dersom særlege grunnar gjer at dei ikkje kan bli ståande. Ein tilsvarende regel er teken inn i lovforslaget § 6-25 første ledd, og blir omtala i kapittel 12.4.9.

#### 12.3.3.5.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* reiser spørsmål om det er nødvendig med ei særleg regulering av retten partane har til kontradiksjon, og peikar på at ein slik rett òg følgjer av den generelle regelen i høyringsforslaget § 6-18 fjerde ledd (er vel meint andre ledd).

*Domstoladministrasjonen (DA)* meiner høyringsforslaget § 4-4 inneheld reglar om saksbehandling, og bør stå i kapittel 6, av omsyn til systematikken i lova.

*Jordskifteoverrettane* meiner forslaget til § 4-4 er ein saksbehandlingsregel, og bør stå i kapittel 6. Reglane må utformast slik at jordskifteretten kan setje fram eit forslag utan at dommar og meddommarar blir inhabile i den vidare behandlinga av ein eventuell tvist. Jordskifteoverrettane har òg merknader til forslaget om avgjerdsforma «semjedom». Desse merknadene er refererte i kapittel 12.3.4.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner det bør gå fram at høyringsforslaget § 3-19 gjeld «forslag til verdsetting, det enkelte trinn (forslag underveis) og forslag til den endelige jordskifteavgjørelsen». Dei meiner òg at høyringsforslaget § 3-19 andre ledd «ikke er hensiktsmessig i forhold til at forslaget til jordskifteløsning kan være av svært forskjellig karakter. Med bakgrunn i praktisk erfaring med ulike jordskifteløsninger mener vi andre ledd bør strykes». Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme har òg merknader til forslaget om avgjerdsforma «semjedom», som er refererte i kapittel 12.3.4.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* spør om ikkje «forslag til jordskifteløysing» i høyringsforslaget § 3-19 bør endrast til «forslag til jordskifteavgjerd». Dei uttaler:

«Forslaget skal fastsettes i en jordskifteavgjørelse og da blir begrepsbruken logisk. Vi minner om at det vil bli tatt mange jordskifteavgjø-

relser som ikke avslutter hele saken. Bruken av ordet jordskifteløysing i paragrafen gir et uklart inntrykk. Vi har ikke endret dette i vårt forslag, men anmoder om at dette blir vurdert. I vårt forslag til lovtekst har vi tatt inn flere av elementene i gjeldende § 17a, andre ledd. Disse bestemmelsene har fungert godt i praksis. Det at partene skal få anledning til å uttale seg har vi tatt inn i første ledd, slik at det blir tydeliggjort at de skal få anledning til dette før jordskifteretten utarbeider forslag. Vi mener at det er unødvendig å ta med andre punktum i andre ledd. Å ta med regler om bruk og vedlikehold er selvsagt i de saker der det er nødvendig å ha dem med. Det er uheldig å bare trekke fram noen momenter som et forslag skal inneholde. Vi har ellers endret ordlyden i det gjenstående av andre ledd».

Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme uttaler til høyringsforslaget § 4-4:

«Det er ingen grunn til å grunngi det som partane er einige om. Dette er ein generell saksbehandlingsregel. Det meste av første ledd står alt i § 6-19, tredje ledd. Paragrafen høyrer kanskje meir heime i kapittel 6 om saksbehandling, enten før eller etter § 6-23 om rettsforlik. Ein bør vurdere å flytte regelen dit.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* meiner at gjeldande jordskiftelov § 17 a andre ledd har vist seg som ein nyttig regel:

«Etter vårt syn bør ordlyden i § 17 a andre ledd så langt råd er vidareførast i si noverande form. Det kan godt takast inn eit tillegg som opnar for skriftleg behandling dersom partane er samde om det. Skriftleg behandling er mykje brukt også i dag. Nokre av bestemmelsane i forslaget er openbert unødvendige, for eksempel andre ledd siste punktum (følgjer av forslaget i § 3-14) og fjerde ledd (det kontradiktoriske prinsipp)».

Jordskiftedommarane i Gulating peikar òg på at pålegget til retten om å utarbeide eit forslag til fastsetting av grenser eller rettar

«inneber at partane får ei områdings-/modningstid. Det blir såleis ei meir tidkrevjande handsaming enn ved domsavseiing. Dette er likevel rimeleg, jf. arbeidsgruppa si grunngjeving på side 176. Vi meiner også det er greitt å

ha same reglar for sakshandsaminga når avgjerda byggjer på semje mellom partane og når det berre er uvisse. På side 176 i høyringsnotatet står det at utkastet skal forkynnast, men dette går ikkje fram i lovteksten i § 4-4. Sidan § 4-4 er ein sakshandsamingsregel bør det vera ei tilvising til § 4-4 i kap. 6, tilsvarande det som står om skjønn i § 6-2».

*Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner at høyringsforslaget §§ 3-19 og 4-4 er reglar om saksbehandling og bør stå i kapittel 6. *Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner at mange av elementa i gjeldande jordskiftelov § 17 a kan takast inn i den nye jordskiftelova, fordi dette er ei velfungerande føresegn. *Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler òg til høyringsforslaget § 3-19 at

«det ikke er absolutt naturlig i alle saker at jordskifteretten utarbeider forslag til løsnings. Også partene kan være så kreative at retten kun må ta stilling til framlagte forslag. Setningen bør omskrives til at jordskifteretten kan utarbeide osv.»

Forslaget til § 3-19 andre ledd

«kan oppfattes som om retten skal gi fullstendig begrunnelse for forslaget. En redegjørelse for bakgrunnen for ulike forslag kan være hensiktsmessig i en del tilfeller. Men det kan bli feil hvis jordskifteretten allerede under arbeidet med forslag skal gi en utdypende forklaring. En begrunnelse betyr langt på veg at retten har tatt stilling i saka og videre kontradiksjon kan synes meningsløs. Det strider mot grunnleggende rettsprinsipp. Begrunnelsen hører sammen med det endelige vedtaket. Det er heller ikke absolutt at alle jordskifteløsninger innebærer at det skal være regler om bruk og vedlikehold slik som siste setning angir.»

Ut over dette har *Sør-Trøndelag jordskifterett* merknader til høyringsforslaget om avgjerdsforma «semjedom», som er refererte i kapittel 12.3.4.

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommarane i Frostating jordskiftedømme* uttaler til høyringsforslaget § 4-4:

«Det er bra at saksbehandlingsregelen for slike avgjerder har fått ei meir generell form enn vi i dag har i § 17 a. Men framleis er det rom for ei enklare formulering av paragrafen.»

*Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB), Institutt for landskapsplanlegging uttaler:*

«Partenes rett til å få uttale seg må presiseres. Overskriften burde være «jordskifteløsning» og i alle fall ikke «forslag til...». For det første bør det presiseres at partene skal ha anledning til å uttale seg før forslag til jordskifteløsning utarbeides, for eksempel ved at «etter at partene har fått anledning til å uttale seg,» føyes til etter «Jordskifteretten skal...» Vi mener uttalelsene fra partene bør brukes i alle fall i tre sammenhenger: 1. For å kunne utforme eiendommen lengre i retning av partens ønsker enn retten ellers kan, jf. nedenfor. 2. Ved vurdering av hvilke subjektive forhold retten skal ta hensyn til (jf. forslaget § 3-26, 1. ledd) 3. Ved vurderingen av tapsfraværsgarantien.»

#### 12.3.3.5.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår nærare reglar om framlegging av forslag til jordskifteavgjerd, og forslag til fastsetjing av grenser eller rettar, i §§ 6-21 og 6-22. Reglane fastset ei plikt for retten til å sørje for at det blir utarbeidd og lagt fram eit skriftleg forslag til avgjerd, og at partane får ein rimeleg frist til å uttale seg til forslaget. Etter råd frå fleire av høyringsinstansane, er reglane plassert i kapitlet med reglar om saksbehandling og ikkje i kapittel 3 og 4 som inneheld dei materielle reglane om jordskifte, rettsutgreiing og grensefastsetjing. Den lovtekniske løysinga med to paragrafar, har samanheng med at reglane gjeld for ulike sakstypar, og at dei knyt seg til ulike avgjerdsformer.

Lovforslaget §§ 6-21 og 6-22 avløyser gjeldande jordskiftelov § 17 a andre til femte ledd, og § 20. Gjeldande jordskiftelov 17 a andre ledd gjeld retten partane har til uttale seg til vedtak som gjeld verdsetjing eller regulering. Med verdsetjing meinast i § 17 a fastsetjing av verdien på areal, rettar, standskog og liknande som skal gå i byte. Med regulering meinast avgjerder der retten utformar eigedommar og rettar, regulerer grenser, lagar planar (under dette skifteplan), lagar bruksordningar og fastset bruksreglar (med andre ord bruker verkemidla i jordskifte for å betre ein utenleg tilstand for eigedommar og rettar). Etter gjeldande jordskiftelov § 17 a andre ledd skal partane «få høve til å uttale seg om spørsmålet». Retten skal deretter utarbeide eit framlegg som skal leggast skriftleg fram for partane.

Gjeldande jordskiftelov § 17 a tredje ledd har reglar om saksbehandlinga for rettsfastsetjande

vedtak og vedtak om fremjing. Med rettsfastsetjande vedtak er meint vedtak der jordskifteretten fastset kva som er gjeldande rett mellom partane. Vedtaket får same verknad som dom avsagt i tvist etter gjeldande jordskiftelov § 17. Dei partane som vedtaket gjeld for, skal få høve til å uttale seg om spørsmålet, og til dei merknadene som kjem inn. Etter dette skal vedtaket fastsetjast så snart som råd. Tredje ledd gjeld for dei tilfella der det er uvisse om grenser eller rettar, men ikkje tvist. Tredje ledd har ikkje noko krav om at retten skal lage eit utkast eller forslag som partane skal få uttale seg til.

Når vedtaket er rettsfastsetjande og partane er samde, skal retten etter gjeldande jordskiftelov § 17 fjerde ledd forkynne eit utkast til vedtak for partane. Retten skal «gje dei ein frist til å seie frå dersom det inneheld feil eller mistydingar eller det likevel ikkje er semje». Når fristen er ute, skal vedtak fattast så snart som råd. Er partane samde om det, kan rette i særlege høve fatte vedtak etter fjerde ledd straks, sjå gjeldande jordskiftelov § 17 a femte ledd.

Etter gjeldande jordskiftelov § 20 skal retten, når alt førebunde arbeid er gjort, lage utkast til skifteplan, som skal leggast fram for partane for drøfting i rettsmøte. Etter at § 17 a blei teken inn i lova i 1998, fekk § 20 mindre sjølvstendig betyding.

Gjeldande jordskiftelov §§ 17 a og 20 lovfester det kontradiktoriske prinsipp i saksbehandlinga. Lova har litt ulike reglar for kontradiksjon, alt ettersom det gjeld verdsetjing og regulering (jordskifte), eller rettsfastsetjing i form av rettsutgreiing eller grensegang (grensefastsetjing). Når det gjeld dei rettsfastsetjande vedtaka, har lova ulike reglar avhengig av om det er semje mellom partane, eller om det berre er uvisse.

I Ot.prp. nr. 57 (1997–98) uttaler departementet at det må vere eit krav at forslag til vedtak om verdsetjing eller regulering skal drøftast med partane. Grunnen er at dette i all hovudsak er skjønnsbaserte avgjerder og i liten grad handlar om rettsbruk. Departementet meinte den gongen at det ikkje var like naturleg å ha eit lovbestemt krav om at retten skal høyre og drøfte forslag til rettsfastsetjande vedtak med partane. Departementet meinte at partane må få uttale seg, og leggje fram det dei måtte ha av dokumentasjon, men deretter må retten ta stilling til saka. Regelen skulle på den andre sida ikkje oppfattast som noko forbod mot at retten drøftar ulike løysingar med partane.

Departementet meiner at den samla gjennomgangen som ein no gjer av lova, gir grunnlag for å

vurdere alle sider ved saksbehandlinga av rettsendrande og rettsfastsetjande avgjerder, òg kontradiksjon (den retten partane har til å uttale seg) knytt til rettsfastsetjing.

Justisdepartementet reiser spørsmål ved om det er nødvendig å ha ein eigen regel om kontradiksjon i det som var høyringsforslaget § 4-4. Justisdepartementet viser til at arbeidsgruppa òg foreslår generelle reglar om dette. Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme reiser tilsvarende spørsmål knytt til høyringsforslaget § 3-19. UMB, ved Institutt for landskapsplanlegging, uttaler på den andre sida at ein bør presisere prinsippet om retten partane har til å uttale seg.

Departementet foreslår fleire reglar om retten partane har til å uttale seg, sjå lovforslaget § 6-5 (om merknader til kravet), § 6-8 (merknader til avgjerder om saksbehandlinga), i § 6-12 (om saksbehandlinga i rettsmøte) og § 6-14 (om grunnlaget for avgjerdene). Når uttrykkelege reglar om kontradiksjon òg er tekne med i §§ 6-21 og 6-22, er det fordi reglane avløyser reglar som lovfester dette prinsippet. Det er òg fordi dette er reglar som det er viktig for den enkelte parten å vere klar over.

Lovforslaget § 6-21 fører vidare reglane i gjeldande jordskiftelov, om at partane skal få uttale seg om rettsendringa (for eksempel utkast til jordskifteavgjerd). Regelen er utforma slik at retten skal utarbeide eit skriftleg forslag til jordskifteavgjerd, som partane får uttale seg til. Men før forslaget blir lagt fram, skal partane ha fått høve til å uttale seg om det aktuelle spørsmålet, for eksempel om verdsetjinga retten har gjort. UMB, ved Institutt for landskapsplanlegging, legg vekt på dette momentet i sin uttale, og det blir teken vare på gjennom lovforslaget § 6-21 andre ledd. Etter råd frå jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme har departementet formulert lovforslaget slik at det er forslag til jordskifteavgjerd, som blir lagt fram for partane, ikkje forslag til jordskifteløysing. Departementet er samd i at dette gir ein meir logisk omgrepsbruk i høve til resten av jordskiftelova. Det inneber òg framlegging og kontradiktorisk behandling av utkast til alle jordskifteavgjerder på ulike trinn i prosessen. Desse avgjerdene, som retten tek under vegg i saka, kan vere avgjerd av om materielle vilkår for jordskifte er oppfylte, sakleg og geografisk avgrensing av saka, verdsetjing av det som skal gå i byte, og så vidare. Lovforslaget fører ikkje vidare den avgrensinga til «verdsetjing og regulering» som følgjer av gjeldande jordskiftelov § 17 a andre ledd første punktum, eller «skifteplan» som følgjer av gjeldande § 20 første ledd første punktum. Departementet

legg til grunn at dette i praksis ikkje inneber noko særleg endring i kva retten må leggje fram for partane til uttale.

Partane skal òg få høve til å uttale seg til dei merknadene som kjem inn. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 17 a andre ledd tredje punktum og tredje ledd første punktum.

Sør-Trøndelag jordskifterett og jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme meiner gjeldande § 17 a andre ledd er ei velfungerande føresegn, som bør førast vidare i si noverande form. Departementet er langt på veg samd med høyringsinstansane i dette, men meiner det bør gjerast visse forenklingar i formuleringane. Når det gjeld reglane om dei rettsfastsetjande avgjerdene, er departementet samd med jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme i at ein ikkje bør føre vidare skiljet mellom saker der det er uvisse, og saker der det er semje (§ 17 a tredje og fjerde ledd). Departementet oppfatar jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme slik at dei òg meiner at skiljet kan fjernast. Departementet foreslår difor reglar om framlegging av forslag til rettsfastsetjande avgjerd òg der det er uvisse mellom partane. I høyringsnotatet uttaler arbeidsgruppa mellom anna dette (i samband med forslaget om å innføre «semjedom» for rettsfastsetjande avgjerder utan tvist):

«Saksbehandlinga forut for avgjerda er sentral. Retten skal bidra til at det blir laga eit ukast. Utkastet skal bli forkynt anten i rettsmøte eller skriftleg. Partane kan få ei områings- eller modningstid. Dei skal ikkje bli overrumpla av eit uventa resultat, sjå tredje og fjerde ledd. Semjedom er spesielt eigna for sameigarar som ikkje møter i rettsmøte og som ikkje har gitt medegar fullmakt. Semjedom er vidare godt eigna der rekvirenten ikkje har lagt ned påstand, altså i mange saker som jordskifteretten behandlar. Grunnen til at det ikkje er lagt ned påstand før rettsmøtet, kan vere at det ikkje er tvist eller at forholda er så uklare at det ikkje er grunn for å leggje ned påstand før temaet er behandla i rettsmøte. Mykje kan bli klarlagt med ein felles gjennomgang av dokument og synfaring i rettsmøte.»

Departementet meiner poenget med å gi partane ei «områings- eller modningstid», bør få gjennomslag òg i høve til saker der det er uvisse. Som jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme peikar på, inneber desse reglane ei meir tidkrevjande behandling enn ved avseiing av dom. Departementet meiner likevel dette er rimeleg ut i frå

grunngevinga til arbeidsgruppa. Det at partane får ei områdingstid, og ikkje blir overrumpla av eit uventa resultat, vil vere eit gode ved ordninga. Det bidrar òg til å forenkla jordskiftelova om ein har dei same reglane for saker der det er uvisse, og der det er semje. Det er vel heller ikkje uvanleg at det i ei sak om grensefastsetjing både vil vere strekningar der partane er samde om grensene, og strekningar der dei ikkje har nokon bestemt oppfatning, og overlet til retten å finne grensene. Retten kan etter lovforslaget behandle desse situasjonane likt med omsyn til framlegging av forslag til avgjerd.

Det må på andre sida vere slik at retten skal leggje det partane er samde om, til grunn for forslag til avgjerd, sjå lovforslaget § 6-22 tredje ledd. Det er vel ein ganske vanleg situasjon at partane under synfaringa blir samde om grenser som tidlegare var uklare for dei. Så langt partane er samde, vil framlegging av forslaget få karakter av å vere ein kontroll med at avgjerda ikkje inneheld feil eller mistydingar, eller å få klarlagt om det framleis er semje mellom partane, sjå formuleringane i gjeldande jordskiftelov § 17 a fjerde ledd. Retten kan likevel ikkje leggje til grunn semje om grenser som i realiteten inneber ei overføring av eigedom mellom partane.

På same måte som i høyringsforslaget, er utgangspunktet for reglane for høyring av forslag til grensefastsetjing og rettsutgreiing, at det ikkje er tvist mellom partane. Dette går fram av innleiinga i lovforslaget § 6-22 første ledd. Til skilnad frå høyringsforslaget, skal den avgjerda retten tek, ha forma «dom», ikkje «semjedom», sjå nærare om grunnen til dette i kapittel 12.3.4. Dersom det er tvist mellom partane, skal prosessen følgje reglane i tvistelova §§ 9-13 til 9-17 om hovudforhandlinga så langt dei høver, sjå § 6-12 tredje ledd.

Departementet har òg teke inn ei føresegn om at forslag til grensefastsetjing og rettsutgreiing skal forkynnast. Høyringsforslaget har ikkje reglar om dette. Gjeldande jordskiftelov § 17 a andre ledd har ikkje krav om forkynning for framlegg til rettsendrande avgjerder. Ein kan diskutere om forkynning trengst for alle forslag retten utarbeider, eller om det kan avgrensast til forslag om avgjerd som byggjer på noko partane er samde om, slik det er avgrensa i gjeldande jordskiftelov, sjå § 17 a fjerde ledd. Departementet meiner at forkynning av forslag til jordskifteavgjerder (regulering/skifteplanar) ikkje er nødvendig. Som det blir framheva i Ot.prp. nr. 57 (1997–98) på side 72-73, vil det at ein part er usamd eller har merknader, ikkje automatisk få nokon verknad. Departementet vurderer dette annleis i høve

til avgjerder som baserer seg på semje mellom partane. Departementet understrekar at det er viktig at partane får høve til å sjekke kva retten har lagt til grunn at det er semje om, før det blir fatta eit vedtak på dette grunnlaget. Departementet legg framleis denne vurderinga til grunn, men meiner at ein av omsyn til regelforenkling bør ha same ordninga for framlegging av forslag til rettsfastsetjande avgjerder, anten dei byggjer på uvisse eller på semje. Bruk av forkynning er ei noko meir arbeidskrevjande ordning enn om ein berre sender forslaget ut med vanleg post. I og med at forslaget gjeld fastsetjing av gjeldande rett mellom partane, vil det på den andre sida vere ein fordel at retten får klarlagt om partane faktisk har motteke forslaget. Bruk av forkynning vil sikre dette, og dette omsynet må vere avgjerande.

Etter gjeldande jordskiftelov § 20 skal det i utkast til skifteplan «gjerast greie for det rettslege grunnlaget, faktiske omstende og andre tilhøve som har hatt mest å seie for skifteplan, skjønn og takstar». Etter gjeldande jordskiftelov § 17 b skal eit vedtak innehalde dei vurderingane som ligg til grunn for resultatet, og dei faktiske og rettslege tilhøva som desse vurderingane i hovudsak byggjer på. Departementet fremjer ikkje forslag om krav til grunngeving av forslag verken til rettsfastsetjande avgjerder (dom) eller jordskifteavgjerder (dei endelege avgjerdene skal ha ei grunngeving etter reglane i lovforslaget § 6-24). Departementet er samd med Sør-Trøndelag jordskifterett, som uttaler dette om dei prinsipielle problema ved grunngeving av forslag:

«Forslaget til § 3-19 andre ledd «kan oppfattes som om retten skal gi fullstendig begrunnelse for forslaget. En redegjørelse for bakgrunnen for ulike forslag kan være hensiktsmessig i en del tilfeller. Men det kan bli feil hvis jordskifteretten allerede under arbeidet med forslag skal gi en utdypende forklaring. En begrunnelse betyr langt på veg at retten har tatt stilling i saka og vidare kontradiksjon kan synes meningsløs. Det strider mot grunnleggjende rettsprinsipp. Begrunnelsen hører sammen med det endelige vedtaket.»

Departementet meiner det vil vere uheldig om partane får inntrykk av at avgjerda er teken før dei får uttalt seg. Det er òg viktig at reglane blir utforma slik at jordskifteretten kan setje fram eit forslag til avgjerd utan at dommar og meddommarar blir inhabile i den vidare handlinga om det skulle bli tvist mellom partane, slik jordskifteoverrettane understrekar. Retten må på den andre sida

gjere greie for innhaldet i forslaget på ein slik måte at partane forstår kva det går ut på, men det er ikkje meininga at retten skal gå nærare inn på dei avvegingane ein har gjort. Ei nærare grunngeving for avgjerdene skal difor vente til ein tek den endelege avgjerda.

Etter lovforslaget ligg plikta til å utarbeide forslag på jordskifteretten. Det er ikkje meininga at ein skal ta dette heilt bokstaveleg. Det kan, som Sør-Trøndelag jordskifterett er inne på, vere slik at aktive og kreative partar sjølv kjem med forslag til jordskifteavgjerder. Oppgåva til retten kan i slike tilfelle bli å sørge for at forslaga får den rette saksbehandlinga, med framlegging for alle partane og så vidare. Retten må likevel kunne innestå for innhaldet i forslaga, òg den endelege jordskifteavgjerda, sjølv om ho byggjer på forslag utarbeidd av partane.

Reglane i lovforslaget §§ 6-21 og 6-22 er heller ikkje meint å vere til hinder for at ein let vere å sende ut forslag til partane, dersom dei er samde om at dette ikkje trengst. Når det i § 6-21 tredje ledd og § 6-22 femte ledd er sagt at fristen normalt ikkje skal vere kortare enn to veker, ligg det i dette at partane òg kan seie frå seg høyringsfristen, og be retten om ta avgjerda straks, eventuelt med ei kortare frist enn to veker. Men føresetnaden må vere at partane er samde om denne framgangsmåten. Retten bør i slike tilfelle òg gi partane rettleiing og opplyse at ein fråvik «normalordninga» til lova, som mellom anna føreskriv forkynning av forslag til rettsfastsetjande avgjerd. Slik sett blir gjeldande jordskiftelov § 17 a andre ledd fjerde punktum og femte ledd ført vidare i den nye jordskiftelova.

I lovforslaget § 6-21 fjerde ledd er utgangspunktet at forslag til jordskifteavgjerd skal behandlast i rettsmøte. Rettsmøte vil ofte vere den mest hensiktsmessige måten å behandle desse forslaga på. Fjerde ledd opnar likevel for skriftleg behandling. Departementet viser til uttalen frå jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme der dei seier: «Det kan godt takast inn eit tillegg som opnar for skriftleg behandling dersom partane er samde om det. Skriftleg behandling er mykje brukt også i dag». Departementet meiner det òg bør vere eit vilkår at jordskifteretten finn skriftleg behandling forsvareleg i høve til den konkrete avgjerda. Dette vilkåret er teken inn i fjerde ledd andre punktum. Dersom retten meiner skriftleg behandling held, kan han meddele dette til partane når forslaget blir sendt ut, og be partane eventuelt seie frå innan ein frist om dei ønskjer rettsmøte.

Når det gjeld forslag til rettsfastsetjande avgjerder, har departementet utforma regelen på ein annan måte. Skriftleg saksbehandling vil i mange tilfelle vere det mest hensiktsmessige i desse sakene, og er òg ei vanleg behandlingsform i praksis i dag. Utgangspunktet til lova kan difor vere at saksbehandlinga er skriftleg. Omsynet til rettstryggleiken tilseier likevel at partane må kunne krevje rettsmøte når dei ønskjer dette. Likeeins må retten kunne bestemme behandling i rettsmøte når retten meiner det er nødvendig, for eksempel for å behandle forslag etter §§ 6-21 og 6-22 samstundes i same rettsmøtet.

### 12.3.4 Rettslege avgjerder og rettsforlik med meir

#### 12.3.4.1 Rettslege avgjerder. Avgjerdsformene

##### 12.3.4.1.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa meiner at den nye jordskiftelova bør ha ein paragraf der alle avgjerdene jordskifteretten kan ta etter den nye jordskiftelova er nemnde, jf. høyringsforslaget § 6-19. Regelen blei laga etter mønster av tvistelova § 19-1. Arbeidsgruppa foreslår at avgjerdsforma dom skal nyttast for dei avgjerdene som gjeld materielle rettshøve. Dette er avgjerder som gjeld eksisterande grenser, eigedomsrett, bruksrett eller andre rettar. Arbeidsgruppa meiner det er grunn til å dele avgjerdsforma dom i «dom» og «semjedom». Semjedom skal erstatte rettsfastsetjande vedtak i gjeldande jordskiftelov § 17 a. Avgjerder om verdsetjing av det som skal gå i byte i jordskifte, jordskifteløysing som fastsetjast under vegs i saka, og avsluttande forklaring av jordskifteløysinga, foreslår arbeidsgruppa å kalle jordskifteavgjerd. Prosessuelle avgjerder skal vere anten orskurd (kjennelse) eller vedtak (beslutning), tilsvarende tvistelova. I tillegg inneheld høyringsforslaget § 6-19 eit ledd som viser til at jordskifteretten òg tek avgjerd ved skjønn.

##### 12.3.4.1.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* meiner det er unødvendig å ha eit innleiande første ledd i paragrafen, der det står at jordskifteretten skal avslutte saka ved slik avgjerd som går fram av dei etterfølgjande ledda. Justisdepartementet meiner òg at omgrepet «semjedom» ikkje gir eit presist og dekkjande uttrykk for dei avgjerdene det omfattar. Språkleg sett viser dette omgrepet snarare til eit krav om semje mellom dommarane, eventuelt at det er snakk om ei form for rettsforlik, i form av dom.

*Domstoladministrasjonen (DA)* meiner det er hensiktsmessig å ha ein paragraf som definerer avgjerdsformene. DA meiner òg at første leddet i høyringsforslaget bør gå ut. DA forstår høyringsforslaget slik at det sett tvistelova § 19-1 til sides. Når det gjeld «semjedom» uttaler DA:

«Det kan reises spørsmål ved om «semjedom» er et uttrykk som språklig sett er treffende, ettersom det vanligvis ikke vil foreligge en uttrykt enighet i disse tilfellene. Imidlertid er hovedpoenget å få fram at dette er en avgjørelsesform med rettskraftsvirkninger som en dom. DA støtter derfor innføring av «semjedom» som en egen avgjørelsesform.»

DA er samd i at omgrepet «jordskifteavgjerd» blir brukt om avgjerdsformene i dei rettsendrande sakene, men har nokre innvendingar mot regelutforminga i høyringsforslaget:

«Vi er videre enige i at avgjørelsesformen for de rettsendrende sakene benevnes som «jordskifteavgjerd» jf. fjerde ledd. Uttrykket «jordskifteløysing undervegs i saka» jf. fjerde ledd b) kan lett misoppfattes som en midlertidig avgjørelse i motsetning til en «endelig jordskifteløysing», jf. fjerde ledd c). Det er ikke slik at de avgjørelsene det her er tale om nødvendigvis er midlertidige. Vi mener at faren for misforståelser er så nærliggende at man her må finne andre formuleringer. De tre underpunktene i fjerde ledd kan gi inntrykk av å være uttømmende for når avgjørelsesformen «jordskifteavgjerd» skal benyttes. Det kan imidlertid være naturlig å bruke denne avgjørelsesformen også i andre tilfeller enn de som uttrykkelig er nevnt her.»

DA foreslår på denne bakgrunn konkrete endringar i ordlyden. DA tek òg opp spørsmålet om kva som er rett avgjerdsform for avgjerder om avvising av ei sak når dei materielle vilkåra for sak ikkje er oppfylde. Rett avgjerdsform vil da vere jordskifteavgjerd. Kva ein vel for avgjerdsform, vil få konsekvensar for samansetjinga av ankeinstansen, slik ankereglane er utforma i høyringsforslaget.

*Agder Lagmannsrett* meiner det er viktig å sjå reglane om avgjerdsformene i samanheng med reglane om rettsmiddelordninga, og at høyringsforlaget § 6-19 er eit godt fundament for å sjå denne samanhengen. *Agder Lagmannsrett* meiner at sondringa mellom dom og jordskifteavgjerd er særleg viktig som namn på realitetsavgjerdene

i rettsfastsetjande og rettsendrande saker. *Agder Lagmannsrett* uttaler:

«Det er en riktig grunntanke at realitetsavgjørelser som med bindende virkning for partene normerer et rettsforhold, treffes i form av dom. Dette stemmer med tvistelovens løsning i § 19-1 første ledd. Forslaget innebærer at begrepet «rettsfastsettende vedtak» i dagens jordskiftelov erstattes med dom. Det er en god betegnelse at avgjørelser basert på partenes enighet i utkastet § 6-19 tredje ledd kalles «semjedom». Bruken av domsformen, fremfor vedtaksformen, gjør det lettere å skille materielle avgjørelser med rettskraftvirkning fra prosessuelle avgjørelser som kalles «vedtak» i § 6-19 femte ledd.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* viser til grunngevinga arbeidsgruppa har for å kalle rettsfastsetjande vedtak for semjedom. Gruppa meiner omgrepet «vedtak» i gjeldande jordskiftelov kan gi assosiasjonar til forvaltingsvedtaka. Desse jordskifterettane meiner at «semjedom» òg kan gi feil assosiasjonar:

«Begrepet er dekkende for de enighetsvedtak som i dag blir fastsatt i medhold av § 17a. «Semjedom» dekker derimot ikke de andre tilfellene; dvs. de tilfellene der partene ikke er eller blir enige om ett og alt. Dette gjelder særlig saker med mange parter. Typisk er dette for saker som ikke fremstår som en typisk tvistesak. Partene har ingen klar oppfatning av rettsforholdene; de er usikre på hva som er riktig. Rettsfastsettende vedtak benyttes i dag på mer komplekse rettsforhold; typisk kan dette være ved fastsetting av om andeler for brukssameier i utmarksområder (fjellområder, jakt, fiske og beite). Dette er saker der det kan være ulike oppfatninger av hva som skal danne grunnlag for andelsfordelingen, uten at saken fremstår som en tvistesak. I slike saker vil det ikke være fornuftig å provosere frem en konkret påstand. ... Begrepet «semjedom» forbinder vi med en forliksløsning eller enighet. Vi mener det blir feil å benytte semje eller enighet i en avgjørelse der partene ikke har uttrykt noen enighet i realitetsspørsmålet. Det de er enige om er at jordskifteretten fastsetter rettsforholdene. Vi er redd at «semjedom» vil fremstå som misvisende; i alle fall for selvprosederende parter.»

For å unngå mistyding og feil oppfatning av omgrepet «semjedom», foreslår *Jordskifterettane*

i Agder jordskiftedøme å byte ut dette omgrepet med «rettsfastsetting».

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* har mellom anna synspunkt på omgrepsbruken i høyringsforslaget § 6-19. Omgrepa «bruksrett og tyngsler» bør erstattast med «servituttar». Festerett bør òg vere positivt opprekna. Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme er ikkje samde i at omgrepet semjedom bør brukast, og grunngir dette mellom anna med at dom i utgangspunktet er definert i tvistelova § 19-1, og gjeld mellom anna for tvistar, som er det motsette av semje. Semje betyr ei positiv oppslutning, i motsetning til systemet med rettsfastsettjande vedtak som legg til grunn ingen merknad frå partane. Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme gir ei rekkje eksempel på problema med omgrepet semjedom. Dei foreslår at ein heller brukar omgrepet «rettsfastsetjing». Dei peikar mellom anna på at ein ikkje kan bruke semjedom som namnet på ei samla grenseskildding som kanskje baserer seg på dom i tvist for delar av strekkinga. Tilsvarende vil gjelde for oppsummeringa av rettstilstanden i ei jordskiftesak eller i ei sak om rettsutgreiing. Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme meiner at dei avgjerdene som i høyringsforslaget blir kalla «semjedom», kan sorterast under «jordskifteavgjerder». Overprøvinga vil da bli som for andre jordskifteavgjerder. Det beste vil likevel vere å bruke omgrepet «rettsfastsetting». Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme peikar elles på at ei uttømmende opprekning av kva som er jordskifteavgjerder, er lite tenleg. Mange avgjerder vil da ikkje ha ei definert avgjerdsform og vil vera utelukka som «jordskifteavgjerd». Dei meiner òg at det må vere feil at utkast til skifteplan – jordskifteløysing undervegs i saka – skal ha ei avgjerdsform. Utkastet er eit arbeidsutkast for drøfting som retten står fritt til å endre etter drøfting med partane. Ofte vil utkastet bli revidert fleire gonger. Dersom retten skal vedta eit utkast ved ei jordskifteavgjerd, har han gjort seg sjølv inhabil. Det er den endelege skifteplanen eller jordskifteløysinga, som fastsettast av jordskifteretten – ikkje utkastet. Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme gir nokre eksempel på kva for avgjerder som kan få forma «jordskifteavgjerd». Dei meiner òg det er viktig å halde på skiljet mellom formelle og materielle grunnar for avvising av ei sak. Dette har å gjere med overprøvinga av ei slik avgjerd. Det er viktig å sikre at det blir ei jordskiftefagleg overprøving. Dei meiner avvising av ei sak må skje ved orskurd, men at ankereglane må sikre jordskiftefagleg overprøving. Avgjerd om at ei sak blir fremja, må skje ved jordskifteav-

gjerd, ikkje ved orskurd slik som i høyringsforslaget.

*Jordskiftedommarane i Gulating, ved Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett*, meiner utforminga av paragrafen om avgjerdsformene avheng av kva for val ein gjer seinare i lova. Dei foreslår å erstatte semjedom med «rettsfastsetting», og peikar på at det er ei rekkje avgjerder som ikkje er nemnde i høyringsforslaget, men som bør vere jordskifteavgjerder. Opplistinga av jordskifteavgjerder bør heller ikkje vere uttømmende.

*Sør-Trøndelag jordskifterett* er òg skeptisk til å bruke omgrepet semjedom. Dei uttaler:

«Det foreslåtte begrepet semjedom er et nytt og lite hensiktsmessig begrep. I og med at det kan oppfattes å uttrykke at retten er enig, dvs. avsier en enstemmig dom, er det også misvisende. Dagens rettsfastsettende vedtak, er en avgjørelse som bare tas av jordskifteretten. Begrepet er lite kjent og krever stadig at det blir forklart. Partene omtaler ofte alle jordskifteavgjørelsene som dommer, og det bør være utgangspunktet for forenklinger. Det å ha begrepene dom og rettsfastsettende vedtak/semjedom er mest til for å skille mellom prosessformene. De vil ha noe ulik utforming, men ellers samme funksjon – nemlig avklare rettslig spørsmål. Derfor bør semjedom/rettsfastsettende vedtak kunne erstattes med dom eller evt. med begrepet rettsfastsetting. Benyttes begrepet dom, kan det i premissene angis hva slags prosessform som er nytta som dermed forklarer hvorfor den har annen utforming enn en «vanlig» dom».

*Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner òg at det ikkje er konsekvent argumentasjon i høyringsnotatet når det gjeld korleis ein brukar omgrepet vedtak. Det blir ikkje konsekvent når ein tek omgrepet vedtak ut i samband med rettsfastsetjinga av språklege grunnar, men likevel brukar det i staden for omgrepet «beslutning» i tvistelova. *Sør-Trøndelag jordskifterett* er elles samd med jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme når dei viser til at fleire avgjerder bør takast med i paragrafen om avgjerdsformene, og at opprekninga av jordskifteavgjerder ikkje bør vere uttømmende.

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommarane i Frostating jordskiftedømme* viser til at omgrepa «semjedom» og «jordskifteavgjerd» er nye, og at semje og dom eigentleg ikkje høyrer saman. Eit alternativ kan vere å kalle det «retts-



fastsetting». «Jordskifteavgjerd» erstattar det som er kalla «regulerande vedtak» i § 17 a i gjeldande jordskiftelov. «Vedtak» blir brukt om det som er kalla «beslutningar» i tvistelova. Dei meiner jordskiftelova bør samordnast med tvistelova her, slik at «beslutningar» i jordskiftelova tilsvarar «beslutningar» i tvistelova. Det kan ikkje vere grunn god nok at «beslutningar» er eit dårleg ord på nynorsk. På nynorsk kunne ein kalle det «avgjerd». Jordskifteavgjerd bør difor endrast tilbake til «vedtak» som er ei godt innarbeida avgjerdsform.

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* meiner at «rettsfastsetting» er eit betre ord enn «semjedom». Dei viser òg til at fjerde ledd i høyringsforslaget er uttømmande. Dei meiner at ein må sikre seg at alle former for avgjerder kommer med. Dei peikar òg på at omgrepsbruken i jordskiftelova og tvistelova blir harmonisert.

*Jordskifteoverrettane* kommenterer særleg forslaget om semjedom, og kva som bør høyre inn under avgjerdsforma jordskifteavgjerd. Dei er samde med arbeidsgruppa i at ein må finne ei avgjerdsform som viser at rettsfastsetjande vedtak i resultat er å rekne som ein dom, men som framleis er knytt opp mot reglar om saksbehandling som er forskjellig frå ordinær tvistebehandling. Avgjerder om tematisk og geografisk avgrensing av ei sak, utviding av sak og fastsetjing og fordeling av jordskiftekostnader bør vere «jordskifteavgjerder». Dei meiner òg at avgjerd om å fremje eller å nekte å fremje eit krav bør ha forma jordskifteavgjerd. Dette må gjelde både for saker etter kapittel 3 og 4 (både rettsendrande og rettsfastsetjande avgjerder).

Jordskifteoverrettane uttaler òg (til høyringsforslaget § 4-4) at dei er samde i at det i saker der det ikkje er tvist om grenser, rettar og anna skal kunne avseiast ein semjedom. Dei meiner regelen bør stå i lova kapittel 6, og ikkje i kapittel 4. Jordskifteoverrettane meiner at semjedom berre skal nyttast i dei høve der partane er samde om ei løysing. Regelen må òg gi jordskifteretten høve til å setje fram eit forslag til semjedom, utan at dommar og meddommar blir inhabil i den vidare behandling av ein eventuell tvist. Jordskifteoverrettane meiner det er viktig at regelen har nokre prosedyrekrav til kva som er minstekravet for at retten kan konstatere at partane er samde og at det ikkje er tvist. Jordskifteoverrettane meiner det bør vere slik at dei partane som ikkje har uttalt seg til eit konkret framlegg i rettsmøte, skal få ein frist til skriftleg å uttale seg. Dersom det ikkje blir protestert innan ein gitt frist, kan semjedom avseiast i tråd med framlegget. Det må da stillast krav til at utkastet til semjedom er kome fram til par-

tane, for eksempel ved at det blir stilt krav om forkynning av utkastet.

Jordskifteoverrettane viser òg til at mange jordskifterettar i dag nyttar «rettsfastsetjende vedtak» som avgjerdsform for grenseskildding og avsluttande oppstilling av rettar og plikter med vidare. Denne avgjerdsforma blir nytta til å gi rettskraftsverknad til sluttresultatet av alt arbeidet som er gjort i saka. Det var ikkje slik denne avgjerdsforma var meint brukt da ho blei innført i 1999. I samband med innføring av semjedom blir det viktig at lovforarbeida seier noko om når ei slik avgjerdsform skal nyttast.

*Norges jordskifte kandidatforening, faglig gruppe av Tekna (NJKF)*, viser til at rettsfastsetjande vedtak blei innført i jordskiftelova med Ot.prp. nr. 57 (1997–1998). Det går fram av proposisjonen at rettsfastsetjande vedtak skal brukast til stadfesting av gjeldande rett. Behovet for regelen var at partane ikkje nødvendigvis er i tvist, men er usikre. Det blir òg poengtert at ei avgjerd i slike saker må grunngjevast, av omsyn til partane. Det var dermed behov for å formalisere ei avgjerdsform i jordskiftelova. NJKF uttaler òg:

«Semjedom virker på bakgrunn av dette å være en konstruksjon som ikke nødvendigvis er naturlig. Sammensetningen av to ord med motsatt betydning kan bidra til større uklarhet. Det kan være at en beslutning under slike forhold må ha en særlig betegnelse. Slik NJKF ser det er eksisterende begrepsbruk mer betegnende for beslutningsformen enn semjedom».

#### 12.3.4.1.3 Departementets vurderingar

Etter gjeldande jordskiftelov tek jordskifteretten avgjerd dels ved dom, og dels ved vedtak, i tillegg til orskurd, beslutningar og skjønn slik dei ordinære domstolane gjer. Jordskifterettane bruker fem avgjerdsformer i dag. Retten skal etter gjeldande jordskiftelov § 17 seie dom når retten avgjer tvist om grenser, om bruksrett eller anna innan jordskifteområdet, eller mot ein tilgrensande eigedom eller bruksrett, eller når retten avgjer ein tvist i ei sak som berre gjeld rettsutgreiing eller grensegang. Det same gjeld tvist i skjønnssaker om underliggjande rettshøve (om grenser, eigedomsrett med vidare), som det er nødvendig å få avgjort. Gjeldande jordskiftelov § 17 a fastset at forma «vedtak» skal brukast når det blir teke avgjerd som gjeld «grenser, rettar eller plikter for ein eller fleire partar» og det ikkje skal seiast dom (med andre ord når det ikkje er tvist). Dette gjeld både ved rettsfastsetjing og rettsend-

ring. Vedtak skal òg brukast ved avgjerd av fremjingsspørsmålet etter gjeldande jordskiftelov § 14. Vedtaksforma blei innført ved ei lovending i 1998 og er spesiell for jordskifterettane. Tvistelova kapittel 19 I Form og framgangsmåte (§ 19-1) fastset når avgjerdsformene dom, «kjennelse» og «beslutning» skal brukast i den ordinære sivilprosessen. Reglane er gjort gjeldande for jordskifteprosessen gjennom gjeldande jordskiftelov § 97 første ledd bokstavane a og b, og § 17 b.

Departementet meiner at den nye jordskiftelova bør ha ein paragraf der dei ulike avgjerdsformene blir lista opp, etter mønster av tvistelova § 19-1, sjå lovforslaget § 6-23. Alle avgjerdsformene er nemnde der. Det gjeld òg dei som er omhandla i tvistelova som dom, kjennelse (orskurd) og beslutning (vedtak). Det blir da greitt å få oversikt over kva for avgjerdsformer jordskifteretten gjer bruk av, og i høve til kva for avgjerder dei ulike formene skal brukast. Lovforslaget § 6-23 er ei uttømmende føresegn når det gjeld avgjerdsformene. Ho trer slik sett i staden for tvistelova § 19-1. Paragrafen har òg reglar om jordskifteavgjerd, som er ei avgjerdsform som berre jordskifteretten skal gjere bruk av. Ordlyden i reglane om dom, orskurd og vedtak er dessutan tilpassa det at jordskifteretten er ein særdomstol, med avgrensa domsmyndigheit i høve til dei ordinære domstolane. Lovforslaget § 6-23 har ikkje fått eit innleiande første ledd, slik høyringsforslaget hadde. Departementet er samd med Justisdepartementet og DA i at eit slikt ledd er unødvendig.

Ei viktig side ved lovforslaget § 6-23 er at regelen er fundamentet for rettsmiddelordninga. Kva for avgjerdsform som er brukt, får betydning for samansetjinga av lagmannsretten som ankeinstans, sjå lovforslaget § 8-7. Skiljet går mellom dom og jordskifteavgjerd, mellom anna slik at dersom det blir anka over ei jordskifteavgjerd skal lagmannsretten setjast med jordskiftelagdommar. Blir det anka over ein dom er dette ikkje noko krav. Lova opnar likevel for at jordskiftelagdommar kan inngå i lagmannsretten i slike saker.

Jordskifteretten skal etter lovforslaget nytte avgjerdsforma dom for realitetsavgjerder som med bindande verknad for partane normerer eit rettshøve, slik Agder lagmannsrett uttrykkjer det. Dom skal altså vere avgjerdsforma når jordskifteretten fastset rettstilstanden når det gjeld grenser, eigedomsrett eller rettar knytt til fast eigedom, sjå § 6-23 første ledd.

I motsetnad til høyringsforslaget har departementet ikkje delt avgjerdsforma dom i «dom» og «semjedom». Departementet meiner det må vere riktig og tilstrekkeleg at ein berre brukar «dom».

Dette inneber at retten skal avseie dom òg i dei tilfella der det ikkje er tvist mellom partane. Det er kanskje ein uvant måte å bruke dom på, men det står fram som ei betre løysing enn å bruke «semjedom» om ei avgjerd som ikkje byggjer på semje, men på at rettstilstanden er uklar for partane, og utan at dei er i tvist med kvarandre.

Justisdepartementet uttaler at omgrepet «semjedom» ikkje gir eit presist og dekkjande uttrykk for dei avgjerdene det omfattar. Språkleg sett viser det snarare til eit krav om semje mellom dommaren, eventuelt at det er snakk om ei form for rettsforlik som dom. Jordskifte kandidatforeninga synest semjedom set saman to ord som står i motsetnad til kvarandre, og difor ikkje er naturleg. DA peikar mellom anna òg på at omgrepet semjedom ikkje er heilt treffande språkleg sett. Grunnen til det er at det ikkje nødvendigvis er noko semje i saka. Eit samla jordskifterettsmiljø er av same grunn òg svært skeptiske til å bruke omgrepet «semjedom» om avgjerdene. DA støttar likevel innføringa av semjedom. Grunnen til det er at ein med dette omgrepet får fram det som var hovudpoenget, nemleg at avgjerda skal ha same rettsverknad som ein dom.

Som jordskifteretten i Sør-Trøndelag er inne på, oppfattar som regel partane alle avgjerder retten tar som dom, uansett om dei blir kalla noko anna. Dette bør vere utgangspunktet for forenklingar. Det at ein nå brukar omgrepa dom og rettsfastsetjande vedtak er mest for å skilje mellom prosessformene. Derfor bør semjedom/rettsfastsetjande vedtak kunne erstattast med dom eller eventuelt omgrepet «rettsfastsetjing».

Departementet meiner omgrepet «dom» eigentleg er nøytralt i høve til om det er tvist eller ikkje tvist mellom partane, eller om partane berre oppfattar rettstilhøva som uklare, eller om dei eventuelt er samde. Når det i sivilprosessen elles blir brukt når retten løyser tvistar, har det samheng med at tvist er vilkår for å reise sak, og at dom er den avgjerdsforma som tvistelova bestemmer. Det er ikkje nødvendigvis slik at omgrepet «dom» berre skal kunne brukast når det er tvist. Poenget med å bruke «dom» er at det gir informasjon om kva som er verknadene for partane. Verknaden er at dei får ei bindande rettskraftig avgjerd av materielle rettsspørsmål. Dette får ein fram utan å bruke forma «semjedom».

Omgrepet «rettsfastsetjing» har den fordelen at omgrepet skildrar kva retten faktisk gjer. Det har likevel den ulempa at det ikkje seier så mykje om verknaden av avgjerda. Både «semjedom» og «rettsfastsetjing» inneber dessutan enda fleire særsegne avgjerdsformer som ingen andre rettsin-

stansar brukar. Departementet meiner dei dermed ikkje vil vere noko bidrag til forenkling av rettssystemet.

Som Agder lagmannsrett peikar på, gir det skiljet ein hadde i høyringsforslaget, mellom dom/semjedom og jordskifteavgjerd, eit godt grunnlag for den nye rettsmiddelordninga. Departementet meiner at dette grunnlaget ikkje blir svekka om ein berre nyttar dom, og ikkje semjedom som avgjerdsform. Det er skiljet mellom dom og jordskifteavgjerd som er det sentrale skiljet, altså mellom avgjerder som avklarar den gjeldande rettslege situasjonen, og avgjerder som endrar denne situasjonen.

Det er likevel slik at prosessen framleis bør vere noko forskjellig, ut i frå om partane er i tvist med kvarandre eller ikkje. Er det tvist, kan retten leggje opp saksbehandlinga etter reglane om hovudforhandling i tvistelova, sjå tvistelova kapittel 9 III og lovforslaget § 6-12 tredje ledd. Der det er uvisse, eller i alle fall ikkje er tvist mellom partane, bør prosessen leggje opp til at retten skal hjelpe til med ei klarlegging og systematisering. Prosessen bør ende i at retten lagar eit utkast til fastsetjing av grenser, eigedomsrett og rettar og så vidare, sjå lovforslaget § 6-22.

Dom og semjedom skal etter høyringsforslaget gjelde avgjerd om «grenser, eigedomsrett, bruksrett, tyngsler eller anna». Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme uttaler at omgrepa «bruksrett» og «tyngsler» bør endrast til «servituttar». Departementet meiner ein i staden bør bruke formuleringa «grenser, eigedomsrett, rettar og anna». Omgrepet «rettar» er meint å femne bruksrettar og positive og negative servituttar. Tillegget «og anna» er meint å fange opp festerett.

Avgjerdsforma «vedtak» skal etter lovforslaget brukast for avgjerder som gjeld saksbehandlinga og som i tvistelova blir kalla «beslutninger», sjå lovforslaget § 6-23 tredje ledd. Departementet meiner ein helst bør unngå å bruke omgrepet «vedtak» i ei lov som gjeld verksemda i ein domstol, men er blitt ståande ved denne omgrepsbruket av språklege grunnar.

Jordskifteavgjerdene vil etter lovforslaget vere ulike typar avgjerder som inngår i jordskiftesakene, i prosessen fram mot ei endeleg jordskifteløysing (skifteplan). Dette gjeld for eksempel avgjerd om korleis jordskifteområdet skal avgrensast, verdsetjing av det som skal gå i byte, den endelege jordskifteløysinga retten kjem til med meir, sjå lovforslaget § 6-23 fjerde ledd.

Bruk av omgrepet «jordskifteavgjerd» har fått støtte under høyringa, men det er mange oppfatningar om kva for slags avgjerder som bør kallast

jordskifteavgjerd. Departementet meiner jordskifteavgjerd først og fremst bør omfatte dei avgjerdene som er typiske for jordskifteprosessen. Mange har teke til orde for at avgjerda av om dei materielle vilkåra for ei jordskiftesak etter lovforslaget §§ 3-2, 3-3 og 3-18 er til stades, bør vere ei jordskifteavgjerd og ikkje ei orskurd, slik det står i høyringsforslaget. Departementet er samd i dette. Ei følgje av dette er at overprøvinga skjer i ein lagmannsrett som er sett med jordskiftelagdommar. På den måten får spørsmålet om dei materielle vilkåra ei jordskiftesak vurdering i ankeinstansen.

Det er òg kome fleire forslag om at mellom anna avgjerd om sakskostnader, og avgjerd om midlertidig bruk av areal etter lovforslaget § 3-34 bør vere jordskifteavgjerder. Departementet har på bakgrunn av høyringsuttalane utvida spekteret av avgjerder som etter lova skal vere «jordskifteavgjerder». Departementet har dessutan lagt inn «utsett merking og måling» som jordskifteavgjerd. I nokre saker kan merking av grenser og oppmåling bli utsett til etter at saka er avslutta, og det er da riktig å gi slik etterfølgjande merking og måling ei avgjerdsform. Merkinga og målinga vil da kunne angripast ved anke etter reglane i lovforslaget kapittel 8.

Fleire avgjerder som retten må ta, og som etter høyringsforslaget var formlause avgjerder, får med lovforslaget ei avgjerdsform.

Etter forslag frå mellom anna jordskifterettane i Eidsivating og Gulating jordskiftedømme, har departementet ikkje teke med «jordskifteløysing undervegs i saka» blant jordskifteavgjerdene, slik det blei foreslått i høyringsforslaget. Dei forslaga til jordskifteløysing som jordskifteretten utarbeider undervegs i saka, er arbeidsutkast for drøfting, og retten står fritt til å endre dei etter drøftinga med partane. Ofte vil utkastet bli revidert fleire gonger i dialogen med partane. Å kalle forslaga frå retten for «avgjerd» blir da feil. Det kan òg gi partane inntrykk av at retten allereie har bestemt seg når det gjeld løysingane. Det er dei delavgjerdene retten tek, mellom anna om verdsetjing av det som skal gå i byte, om avgrensinga av jordskifteområdet undervegs i saka (og som reint faktisk er avgjerder), og til slutt den endelege jordskifteløysinga, som bør få nemninga «jordskifteavgjerd».

Skjønn og andre avgjerder som retten tek etter særlovgivinga i samband med jordskifte (sjå kapittel 5, § 5-3), vel departementet å kalle jordskifteavgjerder, sjå § 6-23 fjerde ledd bokstav d. Desse avgjerdene er ikkje jordskifteavgjerder i den forstand at alle reglane for jordskifte i lovforslaget kapittel 3 vil gjelde. Avgjerdene er likevel jordskif-

teavgjerder i den forstand at reglane om saksbehandling for jordskifteavgjerder i kapittel 6, og overprøvinga i lagmannsretten i kapittel 8, skal skje etter reglane for jordskifteavgjerder.

Den nye jordskifteleva bør, på same måte som tvistelova, seie klart i frå at det ikkje spelar nokon rolle for rettsverknadene, eller eventuell overprøving, om det er brukt feil form på avgjerda. Det må vere realitetane som tel. Ved anke skal ein difor følgje dei reglane som gjeld for den avgjerds-typen som retten skulle ha brukt. Dette prinsippet går fram av tvistelova § 19-1 fjerde ledd, og er teke med som siste ledd i lovforslaget § 6-23.

#### 12.3.4.2 Innhaldet i avgjerdene

##### 12.3.4.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 6-20 at den nye jordskifteleva skal ha reglar om innhaldet i avgjerdene etter mønster av tvistelova § 19-6. Arbeidsgruppa foreslår nærare reglar om grunn-giving for semjedom, jordskifteavgjerd, orskurd og skjønn i samband med jordskifte. Når det gjeld semjedom foreslår arbeidsgruppa noko avvikande reglar om grunn-givinga fordi arbeidsgruppa meiner det ikkje er naturleg å snakke om «påstandar «og «påstandsgrunnlag» eller om «dei vurderingane retten har gjort» i høve til slike avgjerder. Gruppa uttaler at grunn-giving av jordskifteavgjerd mellom anna skal innehalde utgreiingar som gjer det mogleg å sjå at skifteløysinga ikkje bryt med dei grunnleggjande krava til samla nytte av jordskiftetiltaka, og at ingen av dei involverte eigedommane skal få redusert verdi. For grunn-giving av dom gjer arbeidsgruppa tvistelova § 19-6 direkte gjeldande.

##### 12.3.4.2.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen (DA)* meiner at fleire av ledda i høyringsforslaget § 6-20 er like reglane i tvistelova § 19-6 og at det bør visast til denne paragrafen. DA uttaler òg:

«Når det gjelder innholdet i avgjørelsene, er vi enig i at det bør skilles mellom de ulike avgjørelsesformene. Fjerde ledd bør imidlertid også omfatte kjennelse. Kravet til innhold både i dommer og kjennelser bør følge tvistelovens regler. Vi foreslår videre at femte ledd omfatter jordskifteavgjørelse og skjønn i forbindelse med jordskifte, mens semjedom med fordel kan skilles ut i et eget ledd. Sjuende ledd bør

vurderes nærmere. Det kan diskuteres om det er nødvendig å omtale avgjørelse om sakskostnader særskilt, da dette ikke er en egen avgjørelsesform, men vil inngå som en del av en avgjørelse.»

*Jordskifteoverrettane* meiner høyringsforslaget gir eit ryddig oppsett på kva ei avgjerd skal innehalde. Dei uttaler:

«Vi anbefaler at fjerde ledd blir utvida til å omfatte ordscurd. Vi ser ikkje at det er grunn til å ha andre krav tilgrunninggiving av ordscurd i jordskifteleva enn det tvistelova har. Vi er av den oppfatning av femte og sjette ledd kan omformast slik at krava til jordskifteavgjerd og jordskifteavgjerd kombinert med skjønn står samla i eitt ledd. Kravet til semjedom kan stå i eit eige ledd. Vidare vil vårt forslag om fremme av jordskifte skal vere jordskifteavgjerd måtte føre til ein spesialtilpassa regel i denne paragrafen. Denne regelen må regulere dei tilfelle der ingen partar har protestert mot kravet. Etter vårt syn er det då tilstrekkeleg at a) b) og e) i framlegget sitt femte ledd er med i ei slik avgjerd. Vi er usikker på om 7. ledd er naudsynt, i alle fall er den ikkje tilstrekkelig presis slik den står i utkastet. Avgjerd om kostnad til sakkyndig hjelp vil gjelde tvist, og bør takast som del av avgjerda slik dette er regulert i tvistelova. Jordskiftekostnadene er foreslått regulert i § 6-19 som jordskifteavgjerd, og må avgjerast særskilt som ei av dei siste avgjerdene i saka.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* har same oppfatninga som jordskifteoverrettane når det gjeld grunn-givinga av orskurd. Dei gjentar òg synspunkta dei har om bruken av omgrepet semjedom. Når det gjeld «jordskifteavgjerd» meiner dei forslaget er unødig rotete:

«Det bør ikke være nødvendig å lete under flere bokstavrekker for å finne ut hvordan en jordskifteavgjerd skal begrunnes, og dessuten bør 3 av bokstavene (c og d samt den andre b-en) slås sammen. Det er ellers uriktig å si at slutning er en del av begrunnelsen. Det vises til tvistelovens § 19-6, der slutning omtales for seg selv i 7. ledd. Slutning må derfor stå i et eget ledd.»

Når det gjeld sjuande ledd i høyringsforslaget, uttaler dei:

«Vi går ut frå at forslaget gjelder kostnader til sakkunnig hjelp i tvistar, jfr. § 7-13 tredje ledd. Slik som leddet framstår blir det feil. Fastsettelse og fordeling av jordskiftekostnaden blir først gjort ved avslutning av saka. Det er først da at jordskifteretten har full oversikt over samla gebyr, utgifter til meddommere, sideutgifter og den enkelte parts nytte av saka. Når det gjelder utgifter til sakkunnig hjelp, så må retten ta stilling til disse dersom det blir lagt ned påstand om at slike utgifter skal tilkjennes. Retten forholder seg til de nedlagte påstander. Et eget ledd om disse utgiftene er derfor ikke nødvendig.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedomme* fremjer forslag til ein noko enklare ordlyd enn i høyringsforslaget.

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedomme* meiner grunngivingsplikta kan vere den same for dom og orskurd. Dei uttaler òg:

«Elles så skjønar me ikkje heilt kvifor ikkje 5. og 6. ledd er samanslege til eit ledd. Rett nok følgjer det av rettsfastsetjinga/ semjedom at partane ikkje har lagt ned påstand, men 6. ledd bokstav a) tek atterhald om dette jf «partane sin eventuelle påstandar». Det er viktig at jordskifteretten grunngir jordskifteavgjerdene sine på lik line som ved dom. Partane sine merknader må koma fram i avgjerda. Jordskifteretten si grunngevinga er like relevant og kanskje endå meir turvande i endringssaker enn i tvistesaker. Ved rettsfastsetjing vil ofte jordskifteretten si grunngeving vera kortfatta, men bør minimum innehalde kva som ligg til grunn for avgjerda. I dei tilfella ei rettsfastsetjing vil bli anka vil dette vera til stor hjelp. Me undrast noko over siste og 7. ledd. Ofte vil fordeling av saks kostnader bli avgjort som eiga avgjerd ved avslutning av saka. Det kan ikkje vera eit krav at det ved alle jordskifteavgjerdene skal takast inn avgjerd om saks kostnader.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedomme* meiner høyringsforslaget § 6-20 har fått ei litt vanskeleg form. Dei uttaler:

«Vi mener forslaget (til § 6-20) har fått en litt vanskelig form. For det første burde bestemmelsene i § 19-6 i tvisteloven gjelde for både dom og orskurd. Det er vanskelig å se hvorfor orskurd i jordskifteloven skal ha et annet innhold enn kjennelser etter tvisteloven når

orskurd etter forslagens § 6-20 omfatter de samme avgjørelser som kjennelser etter § 19-1 (2) i tvisteloven. Jordskifteavgjerd og skjønn kan ha et innhold som i forslaget. Dette tilsvarener noenlunde § 17 b i nåværende lov. Semjedom bør beskrives for seg selv med et innhold som tilsvarener a, b og e i forslaget. Når det gjelder navnet på avgjørelsesformene vises til kommentaren til § 6-19.»

#### 12.3.4.2.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår reglar om krav til innhaldet i avgjerdene til jordskifteretten, etter mønster av reglane i tvistelova § 19-6, som gjeld dom, kjennelse (orskurd) og beslutning (vedtak), sjå lovforslaget § 6-24.

Departementet foreslår dels felles reglar for alle avgjerder, dels reglar der kravet til grunngevinga er ulikt. Alle avgjerdene skal innehalde sentrale opplysingar som namnet på domstolen, kven som er medlemmer av retten, partane, saksnummeret, kva for avgjerd som er teken, og tid og stad for avseiinga av avgjerda. Avgjerdene skal òg vere skriftlege og underskrivne av medlemmene av retten. Når det er meir enn ein dommar, skal det gå fram av avgjerda om ho er samrøystes. Ved dissens skal det gå fram kva dissensen gjeld, og kven som har dissentert. Dette går fram av lovforslaget § 6-24 første til tredje ledd. DA meiner reglane i første til tredje ledd er så samanfallande med reglane i tvistelova at jordskiftelova kan vise til tvistelova framfor å ha eigne reglar. Departementet er samd i at reglane er svært like, men har likevel vald å gi eigne reglar fordi dette er reglar som det kan vere nyttig at partane kan lese rett ut av lova. Tvistelova § 19-6 andre ledd har dessutan ei tilvising til småkravsprosessen som kan virke forvirrande, fordi reglane om småkravsprosessen ikkje blir gjort gjeldande for jordskifterettane.

Det at avgjerder som gjeld realiteten eller viktige prosessuelle spørsmål i saka skal ha ei grunngeving er sjølvsagt, men må likevel lovfestast. Krav til grunngeving gjer at retten må tenke nøye gjennom spørsmåla. Når avgjerda er grunngeven, blir det dessutan lettare for partane å akseptere dei avgjerdene retten tar. Grunngevinga gir partane betre grunnlag for å vurdere om dei vil anke, og kva dei eventuelt skal anke over. Grunngevinga er òg viktig for den ankeinstansen som skal vurdere avgjerda.

Departementet meiner at kravet til grunngeving av dom bør vere det same som i tvistelova, sjå lovforslaget § 6-24 fjerde ledd og tvistelova § 19-6.

Dette er same løysinga som etter gjeldande jordskiftelov, sjå § 17 fjerde ledd.

Arbeidsgruppa foreslår eigne reglar for grunngeving av orskurdar («kjennelser»). Dette har fått fleire kommentarar i høyringa. DA, jordskifteoverrettane og fleire av jordskifterettane meiner kravet til grunngeving av orskurdar bør vere dei same som i tvistelova. Departementet er samd i dette, og fjerde ledd i lovforslaget er utforma slik at kravet til grunngeving av både dom og orskurd følgjer tvistelova § 19-6.

For grunngevinga av jordskifteavgjerder foreslår departementet eigne reglar i lovforslaget § 6-24 femte ledd. Reglane er innhaldsmessig ganske like høyringsforslaget, men utforminga er noko annleis. Dette har mellom anna samanheng med at høyringsforslaget om «semjedom» som avgjerdsform, ikkje er teke med i lovforslaget, sjå kapittel 12.3.4.1.

Dom og jordskifteavgjerd gjeld realitetane i saka. Felles for desse avgjerdene er at der det er semje mellom partane om faktiske tilhøve som er opp i saka, skal retten leggje denne semja til grunn for avgjerda. Føresetnaden for dette må likevel vere at partane faktisk er heilt samde. Er partane usikre, og ønskjer at jordskifteretten tek avgjerd, bør retten ikkje grunnge avgjerda med at partane er samde.

Arbeidsgruppa foreslår ein regel om at alle avgjerdene skal innehalde fordeling av sakskostnadene, men slik at for eksempel kostnadene etter § 7-1 i høyringsforslaget kan fordelast til slutt. Fleire av høyringsinstansane er usikre på om regelen er nødvendig å ha med. Andre meiner den i alle fall må skrivast om. Det blir mellom anna peika på at fordeling av sakskostnader skal gjerast som eiga avgjerd når saka avsluttast. Det er først da at retten vil ha full oversikt over samla gebyr, utgifter til meddommarar, sideutgifter, og nytten til den enkelte parten. Etter tvistelova § 20-8 første ledd skal krav på sakskostnader avgjerast for kvar instans i den avgjerda som avsluttar saka i instansen. Reglane tvistelova kapittel 20 gjeld for jordskifterettane så langt dei høver, sjå lovforslaget § 6-1 første ledd. Departementet har i lovforslaget formulert § 6-24 sjuande ledd slik at avgjerdene skal innehalde fordeling av kostnadene etter reglane i kapittel 7, så framti ikkje retten meiner at kostnadene skal fordelast i ei anna avgjerd seinare i saka.

### 12.3.4.3 Rettsforlik

#### 12.3.4.3.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa viser til at tvistelova har føresegner om rettsforlik i kapittel 19 IV. Arbeidsgruppa meinte rettsforlik ikkje er mindre praktisk for jordskifterettane enn for dei ordinære domstolane, og la til grunn at reglane om formkrav og kontroll med rettsforlik bør vere dei same etter jordskiftelova, som etter tvistelova. Arbeidsgruppa foreslo ein paragraf som innhaldsmessig er lik tvistelova § 19-11, jf. høyringsforslaget § 6-23.

#### 12.3.4.3.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* viser til at høyringsforslaget til § 6-23 om rettsforlik berre er ein nynorsk versjon av tvistelova § 19-11, og kan strykast. Paragraf 19-11 gjeld òg i saker for jordskifteretten.

Det same meinte *jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme, jordskiftedommarane i Gulating og Domstoladministrasjonen (DA)*, som òg vil reservere rettsforlik for dei rettsfastsetjande sakene (rettsutgreiing og grensefastsetjing):

«Etter vår vurdering kan rettsforlik, både etter gjeldende rett og i henhold til utkastet, bare inngås i rettsfastsettende spørsmål. Vi er kjent med at det er ulike oppfatninger i jordskifterettene om det også er eller bør være anledning til å inngå tilsvarende forlik i rettsendrende spørsmål. Vi anbefaler derfor at det i forarbeidene til ny jordskiftelov går klart fram at rettsforlik bare kan inngås i rettsfastsettende spørsmål.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner rettsforlik berre skal kunne brukast på rettsfastsetjing og ikke på endring (jordskifte). Semje i samband med jordskifte må i tilfelle heite noko anna, for eksempel «forlik». Dei uttaler:

«Det er to forhold som er verdt å nevne i denne sammenheng. Det første er om det skal være mulig å anke over slik enighet, eller om det må reises sak for tingrett etter samme mønster som gjelder for rettsforlik. Det andre er sperrefristen på 10 år etter gjeldende lov § 4 og utkastet § 3-5. Dette er kanskje den viktigste grunnen til at rettsendring ikke bør inngå i eller omtales som rettsforlik. Rettsfastsetting er ikke til hinder for at det umiddelbart kan forlanges jordskifte etter kapittel 3, mens det for rettsendring gjelder en sperrefrist på 10 år. For

mange vil det være vanskelig å forstå at deler av et rettsforlik kan revideres umiddelbart (forutsatt at eiendomsforholdene kan bedres) mens andre deler får en sperrefrist. Se også sitat fra sammendrag i Rt. 2005-985 foran. En sak etter utkastet kapittel 3 vil aldri være «innbrakt som tvistegenstand for domstolen» (understreket her.) Sak etter kapittel 3 er ikke tvist i jordskiftelovens forstand.»

Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme foreslår ein annan ordlyd i paragrafen om rettsforlik.

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommarane i Frostating jordskiftedømme* har òg forslag til endringar i ordlyden, og uttaler dette om saks-kostnadene og om å ha ein eigen paragraf om rettsforlik:

«Med saks-kostnader i 4. ledd siktes det vel til kostnader til sakkunnig hjelp, jfr. § 7-13 i lovforslaget. Det betyr ikke at partene ikke også kan enes om å fordele kostnadene etter § 7-1 (jordskifte-kostnadene) på samme måten. Ellers mener vi det er ok at bestemmelsen om forlik blir tatt inn som egen paragraf selv om kapitlet om rettsforlik er gjort gjeldende etter § 6-1.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner høyringsforslaget § 6-23 bør flyttast slik at paragrafen står saman med paragrafen om avgjerdsformene. *Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler til fjerde ledd:

«Paragrafen sier noe om fordeling av saks-kostnader ved forlik. Begrepet jordskifte-kostnader er tatt ut av lovforslaget. Dermed er det uavklart om 4. avsnitt også omfatter gebyrer, meddommere etc. eller er det kun advokatutgifter etc. Bør klargjøre at det gjelder utgifter til sakkyndig hjelp og annet som kan dekkes etter tvistemålslovens bestemmelser. «Jordskifte-kostnadene» kan partene også avtale fordeling om, men retten er ikke avhengig av at partene skal kreve at retten skal fordele (slik paragrafen sier).»

#### 12.3.4.3.3 Departementets vurderingar

Tvistelova har føresegner om rettsforlik i kapittel 19 IV. Tvistelova § 19-11 har føresegner om formkrava og kontrollen retten har med at rettsforlik ikkje er i strid med offentlege omsyn som avgrensar rådveldet partane har i saka, og om saks-kostnader. Tvistelova § 19-12 har føresegner om verk-naden av rettsforlik og om moglegheita til å få sett rettsforlik til sides, eller få dei endra.

Spørsmålet om ein skal ha eigne reglar i tillegg til dei generelle i tvistelova, kjem òg opp når det gjeld rettsforlik. Forslaget til reglar frå arbeidsgruppa er ei omskriving av tvistelova § 19-11. I tillegg skal tvistelova kapittel 19 IV Rettsforlik gjelde så langt det høver. Det er ulike meininger om denne lovteknikken i høyringa. Mange jordskifterettar og DA meiner det er unødvendig med utfyllande reglar om rettsforlik i jordskiftelova, når reglane i tvistelova skal gjelde.

Departementet meiner informasjonsomsyn til-seier at det bør fastsetjast eigne reglar om rettsforlik. Dei bør likevel liggje nært opp til reglane i tvistelova. Forlik er vanleg i saker for jordskifterettane. Det store innslaget av sjølvprosederande partar gjer informasjonsomsynet tungtvegande.

Det kan diskuteras kva for spørsmål partane bør kunne inngå rettsforlik om for jordskifterettane. Som DA og jordskifterettane i Agder jordskiftedømme peiker på, er det eit spørsmål om ein kan inngå rettsforlik ved anna enn rettsfastsetjande spørsmål. Ein bør i alle fall vurdere om ikkje den nye lova bør seie klart i frå at moglegheita til rettsforlik gjeld med ei slik avgrensing. Departementet er samd i dette. Rettsforlik høver der det er tvist om kva som er den gjeldande rettstilstanden. Rettsforlik høver ikkje i spørsmål som gjeld bruken av verkemidla i jordskifte i kapittel 3, der formålet er å endre eigedoms- og brukstilhøva til ein meir tenleg tilstand. I lovforslaget § 6-26 er det difor foreslått at rettsforlik berre kan gjelde slike spørsmål retten elles kan avgjere ved dom etter § 6-23 første ledd. Kompetansen retten har til å avgjere spørsmål om «grenser, eigedomsrett, rettar og anna» set altså ramma for kva partane kan inngå forlik om.

Når det gjeld fordelinga av saks-kostnader foreslår departementet ein regel tilsvarande tvistelova § 19-11 fjerde ledd. Føresegna seier at retten skal avgjere fordelinga dersom forliket ikkje regulerar det, og partane krev ei avgjerd.

#### 12.3.4.4 Tvangskraft og rettskraft

##### 12.3.4.4.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa viser i høyringsnotatet til at gjeldande jordskiftelov § 91 har føresegner om tvangskraft og rettskraft for dei avgjerder jordskifteretten tek. Gjeldande jordskiftelov § 97 bokstav a viser òg til heile kapittel 19 i tvistelova, og føresegnene gjeld dermed «så langt dei høver». Dette inkluderer da òg kapittel 19 V Tvangskraft og rettskraft. Arbeidsgruppa meiner at desse føresegnene i tvistelova kan gjelde for dei avgjerdene

jordskifteretten tek. Det kan av informasjonsomsyn vere greitt å ha ei føresegn med ei særleg tilvising til tvistelova, jf. høyringsforslaget § 6-28 første ledd.

#### 12.3.4.4.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen (DA)* uttaler:

«Etter tvisteloven § 19-13 første ledd kan rettslige avgjørelser fullbyrdes etter reglene i tvangsfullbyrdesloven. Tvangsfullbyrdesloven § 4-1 andre ledd a) må antas også å omfatte jordskifteavgjørelser. Vi vil anbefale at forholdet til tvangsfullbyrdesloven klargjøres og gjøres lettere tilgjengelig. Første ledd er i sin nåværende form overflødig.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler til høyringsforslaget § 6-28 andre ledd:

«Kva er det slik sak syner til? Eigar og bruksrettshavar er ikkje heilt dekkande og bør bli endra til part eller partar i sak for jordskifterett.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler:

«Første ledd har dårlig formulert tekst. Forslag: «Reglane i tvisteloven kapittel 19 V om tvangskraft og rettskraft gjeld tilsvarende så langt dei høver.»

*Jordskifte kandidatforeningen, NJKF*, viser til at høyringsnotatet, i drøftinga av forslaget til semjedom på side 103, gir uttrykk for at ei slik avgjerd inneberer «ei endeleg bindande avgjerd av ein domstol, ikkje eit forvaltningsorgan». NJKF uttaler òg:

«I prinsippet kan partene, etter at jordskifteretten har avsagt dom eller gjort vedtak om hvor en grense går, inngå en ny avtale om grensen (Rt. 1968 s. 1209). Formuleringene på side 103 kan oppfattes som om dette ikke er tilfelle, og at grensen ved jordskifterettens behandling er fastlagt for all framtid, uten mulighet for partene til å endre grensen. Lovforslaget burde i større grad gjort rede selve rettskraftbegrepet, og hva virkningene er for grunneierne, kommunen og domstolene av rettskraftige avgjørelser i jordskifteretten.»

#### 12.3.4.4.3 Departementets vurderingar

Departementet er samd med arbeidsgruppa i at informasjonsomsyn tilseier at ein gir reglar om rettskraft og tvangskraft til dei avgjerdene jordskifteretten tek. Det må likevel vere nok å vise til tvistelova kapittel 19 V Tvangskraft og rettskraft (§§ 19-13 til 19-16). Gjentak av heile kapittel 19 V vil bli for omfattande.

Tvangskrafta følgjer av at lovforslaget § 6-28 viser til tvistelova §§ 19-13 til 19-16. Tvistelova § 19-13 viser til lov om tvangsfullbyrdelse (tvangslova). Tvangslova § 4-1 seier at «dom eller kjennelse av norsk domstol, og andre avgjørelser av en norsk domstol som har virkning som dom eller kjennelse» er tvangsgrunnlag. Dommar og orskurdar frå jordskifteretten er etter dette òg tvangsgrunnlag. Løysinga er ein indirekte form for regulering av tvangskraftspørsmålet, slik DA er inne på, men departementet meiner det likevel vil vere greitt å finne fram i desse reglane.

Bruk av tvang kan vere nødvendig for å setje i verk mange av dei avgjerdene jordskifteretten tek. Tvang kan for eksempel bli aktuelt i samband med overføring av grunn eller hus, opparbeiding og vedlikehald av vegar, pengeytingar som for eksempel sakskostnader og så vidare. Tvangsfullføring må skje med heimel i tvangslova. Det er partane som må krevje tvangsfullføring. Retten gjer ikkje dette.

Når det gjeld rettskraft av avgjerdene, vil tvistelova §§ 19-14 og 19-15 gjelde. Tvistelova § 19-14 første ledd seier at ei avgjerd er rettskraftig når ho ikkje lenger kan angripast ved ordinære rettsmiddel. Tvistelova § 19-15 første ledd seier at ei rettskraftig avgjerd er bindande for partane. Andre ledd seier at ei rettskraftig avgjerd av eit krav skal utan realitetsbehandling leggjast til grunn i ei ny sak der retten må ta stilling kravet for å avgjere saka. Etter tredje ledd skal retten avvise ei ny sak mellom same partar om eit krav som er rettskraftig avgjort. Ei rettskraftig avgjerd, for eksempel om grensene for to eller fleire eigedommar, er på den andre sida ikkje til hinder for at partane gjer ei avtale om nye grenser, sjå uttalen frå Jordskifte kandidatforeningen.

Når det gjeld jordskifteavgjerder er tilhøva litt spesielle i den forstand at jordskifteavgjerder retten tek undervegs i saka, kan endrast heilt fram til jordskiftet setjast i verk. Avgjerdene kan såleis vere endelege for partane sin del, men dei treng ikkje vere endelege for jordskifteretten. Sjå nærare om grunngevinga for dette i kapittel 12.4.9. I høve til mellombelse jordskifteavgjerder retten tek etter § 3-34, meiner departementet det vil bli



på same måten. Reglane vil ha tvangskraft, men vil likevel kunne endrast av jordskifteretten (og seinare opphevast og eventuelt erstattast med permanente ordningar i jordskifteløysinga).

#### 12.3.4.5 Merking og koordinatfesting av grenser

##### 12.3.4.5.1 Høyringsforslaget

I høyringsforslaget § 6-26 foreslår arbeidsgruppa reglar om at retten skal merkje og koordinatfeste nye grenser som fastsetjast etter kapittel 3. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 58 første ledd. Andre ledd i høyringsforslaget fører vidare § 58 andre ledd andre og tredje punktum, om utsetjing av varig grensemerking og tilhøyrande grensebeskriving til etter at jordskiftet har rettskraft.

##### 12.3.4.5.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler:

«Jordskifteretten skal besørge merking og koordinatfesting av alle de grenser den fastsetter – enten de er nye eller gamle, og uansett om det skjer i grense- eller jordskiftesak. Samtidig mener vi at den foreslåtte bestemmelsen framstår som lite hensiktsmessig. Det er ikke mulig/riktig å merke alle grenser i praksis. Det gjelder for eksempel grenser i vassdrag samt andre steder der merking i praksis ikke er gjennomførbart.»

*Jordskifterettane i Hålogaland* uttaler omtrent det same og har forslag til ein litt annan ordlyd. *Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner ordlyden kan bli klarare.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner òg at tredje ledd i høyringsforslaget § 6-26 bør takast ut:

«En del av sakene ved jordskifteretten gjelder ikke grenser, men kun jakt, fiske, beite osv. Disse sakene inneholder ikke forhold som det er nødvendig å rapportere til kommunen av hensyn til matrikkelen. Vi vil tro § 6-26 tredje ledd dekker nødvendig rapportering.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* har same oppfatning når det gjeld tredje ledd i høyringsforslaget.

*Domstoladministrasjonen (DA)* tek òg opp at ikkje alle grenser kan merkjast:

«Ikke alle grenser egner seg for merking og koordinatfesting, for eksempel grenser i vassdrag og sjø, jf første ledd. Obligatorisk merking og koordinatfesting bør derfor nyanseres noe.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* uttaler seg på liknande måte:

«Det er ikkje alle grenser som let seg merkje eller det er hensiktsmessig å merkje, så som i vassdrag og bergflog. Det kan og vera turvande å nymerkje eksisterande grenser. Det må leggjast opp til jordskifteretten sitt skjønner her. Dersom grensemerkinga blir utsett til etter at saka er rettskraftig, bør desse vedtakast ved jordskifteavgjerd når dei er merka og målt inn, slik at partane kan nytte rettsmiddel dersom dei meiner noko vart feil.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner det kan gå fram av spesialmerknadene til paragrafen at merkinga skal skje «i nødvendig grad». Dette står ikkje i gjeldande lov, men den praktiserast slik.

*Statens kartverk* uttaler:

«Koordinatfesting er ikke nærmere omtalt. Kartverket er usikre på om jordskifteretten skal følge egne målereglementer eller Kartverkets standarder. Landbruks- og matdepartementet har hjemmel for å fastsette utforming av grensemerker som i tidligere lov. Det bør i hvert fall etableres et lignende samarbeid som med delingsloven og tidligere jordskiftelov og helst bør man lage samordnede målestándarder. Rapportering av nye grensemerker og andre nye data er litt snevert uttrykt. Det er behov for rapportering av nye, slettede og eksisterende som har fått forbedret kvalitet, se matrikkelforskriftens § 27, 1 ledd bokstav g og merknader til denne.»

*Norges Jordskifte kandidatforening NJKF*, viser til at ein i høyringsforslaget vil oppnå samkjøring av terminologien mellom ny lov og matrikkellova. NJKF meiner dette er riktig og viktig for at omgrepsbruken innanfor fagområdet generelt skal bli meir eintydig. NJKF uttaler òg:

«I så måte meiner vi at ny lov ikke tar høyde for slik sammenkobling når det i lovforslaget § 6-26 ikke legges opp en felles nasjonal standard for det tekniske arbeidet. En felles nasjonal standard vil gjøre det lettere for jordskifterettene å innhente sakkyndig målehjelp ved

behov. Samme paragraf tar heller ikke høyde for at nye grenser er knytt til gamle grensepunkt. Regelen burde ta høyde for at retten skal oversende kartgrunnlag/tekniske data for grenseforløp registrert i vedkommende sak. Vi viser til matrikkelforskriften § 41».

#### 12.3.4.5.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår reglar om merking og koordinatfesting av grenser i lovforslaget § 6-29. Reglane er innholdsmessig like høyringsforslaget § 6-26 første og andre ledd. Reglane fører vidare dei tilsvarande reglane i gjeldande jordskiftelov § 58. Merking og koordinatfesting av grenser skal skje anten grensefastsetjinga har opphav i ei jordskiftesak der det blir fastsett nye grenser, eller i ei grensesak der eksisterande grenser skal klarleggast, sjå lovforslaget § 6-29 første ledd.

Andre ledd i lovforslaget § 6-29 fører vidare § 58 andre ledd andre og tredje punktum, om utsetjing av varig grensemerking og tilhøyrande grensebeskriving til etter at jordskiftet har rettskraft. Det kan vere aktuelt å utsetje den endelege grensemerkinga der anleggsarbeid like etter at saka er rettskraftig, vil føre til at merka blir fjerna eller øydelagde. Utsett grensemerking kan òg vere aktuelt, der avgjerd i ankesak fører til at merka må flyttast. Dersom jordskifteretten ventar med varig grensemerking, må grensene merkast tydeleg med midlertidig merke for eksempel med spray eller trepålar. Det er viktig at partane ser i terrenget kva som er resultatet av saka. Utsett grensemerking vil difor vere meir unntak enn hovudregel. Totalt sett er det billigare å fjerne nokre få grensemerke på grunn av endring i anke-domstol, enn å merkje alle grenser to gonger, først med midlertidig merke og deretter med varig merke. Blir grensemerkinga utsett, skal merkinga seinare gjerast i form av jordskifteavgjerd, sjå lovforslaget § 6-23 fjerde ledd bokstav c. Avgjerda vil da kunne angripast ved anke etter reglane i lovforslaget kapittel 8. Med avgjerda er meint det utsette arbeidet, ikkje realiteten i saka elles.

Departementet meiner elles det er gode grunnar til å gjere regelen om plikta til å merkje grenser meir fleksibel enn i høyringsforslaget. Dette er i tråd med høyringsuttalane frå DA og jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme og jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme. Det kan gjerast ved å ta inn «så langt råd er» i første ledd. Departementet meiner at det ikkje blir rett å avgrense merkinga til «i nødvendig grad». Grunnen til det er at det kan vere mange

ulike oppfatningar av kva som er nødvendig. Utgangspunktet må i staden vere at merking skal skje så langt det let seg gjere. Ved skiping av ny matrikkeleining vil matrikkellova § 34 med tilhøyrande forskrifter gi rettleiding òg for det arbeidet jordskifteretten gjer.

Når det gjeld uttalen frå Jordskifte kandidatforeningen, legg departementet til grunn at krava som Statens kartverk har sett for merkje- og målarbeidet, skal etterlevast av jordskifterettane. Av omsyn til at domstolane skal vere uavhengige av forvaltinga – òg på dette området – meiner departementet at jordskiftelova bør innehalde ei forskriftsfullmakt om utforming av grensemerke, sjå lovforslaget § 6-29 tredje ledd. I praksis skal det mykje til at denne forskrifta vil avvike frå reglane som gjeld kommunale grensemerke.

Departementet vil elles understreke at jordskifteretten berre kan avgjere den grensestrekninga som partane har teke opp og som er til behandling for retten. Jordskifteretten skal etter lovforslaget § 6-9 gjere ei sakleg og geografisk avgrensing av saka i samsvar med det eller dei krava som blir reiste, og som partane har uttala seg til. Jordskifteretten kan såleis ikkje gå utanom denne avgrensinga for å få til ei tilknytning til grensepunkt utanfor den grensestrekninga retten har til behandling. Der påstandane frå partane fører til at grensa som jordskifteretten fastset ikkje let seg knyte til andre grenser i matrikkelkartet, bør jordskifterettane gjere partane merksame på det. Om partane følgjer rettleinga, kan matrikkelen bli meir truverdig. Partane kan òg unngå seinare tvist om grensa.

### 12.3.5 Rapportering og tinglysing

#### 12.3.5.1 Rapportering til matrikkelmyndigheita

##### 12.3.5.1.1 Høyringsforslaget

I høyringsforslaget § 6-26 tredje ledd foreslår arbeidsgruppa reglar om at retten skal rapportere nye grensedata og andre nye data til matrikkelmyndigheita i samsvar med forskrift gitt av departementet.

##### 12.3.5.1.2 Høyringsinstansane

Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme meiner at tredje ledd i høyringsforslaget § 6-26 bør takast ut:

«En del av sakene ved jordskifteretten gjelder ikke grenser, men kun jakt, fiske, beite osv. Disse sakene inneholder ikke forhold som det

er nødvendig å rapportere til kommunen av hensyn til matrikkelen. Vi vil tro § 6-26 tredje ledd dekkjer nødvendig rapportering.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* har same oppfatning når det gjeld tredje ledd i høyringsforslaget.

*Statens kartverk* uttaler:

«Rapportering av nye grensemerker og andre nye data er litt snevert uttrykt. Det er behov for rapportering av nye, slettede og eksisterende som har fått forbedret kvalitet, se matrikkelforskriftens § 27, 1 ledd bokstav g og merknader til denne.»

### 12.3.5.1.3 Departementets vurdering

Høyringsforslaget § 6-26 tredje ledd, om at retten skal rapportere nye grensedata og andre nye data til matrikkelstyresmakta, er teke inn lovforslaget § 6-30. Plikta til rapportering omfattar òg at det er sett fram krav om sak for jordskifteretten, sjå matrikkelforskrifta §§ 46 og 47. Departementet kan ikkje sjå at matrikkelforskrifta gjer det nødvendig å rapportere resultatet av saker som berre gjeld reglar for jakt, fiske, beite med vidare, og andre reglar om bruk som blir tinglyst utan at dei blir ført i matrikkelen. Departementet oppfatar uttalen frå jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme slik at dei er samde i dette. Jordskifterettane har i dag avtale med Statens kartverk om utveksling av data. På den måten held ein ved like samfunnsmessig verdifull infrastruktur.

Etter gjeldande jordskiftelov § 58 fjerde ledd har jordskifteretten plikt til å sørgje for å få registrert alle jordsameiger innanfor skiftefeltet i matrikkelen dersom dei framleis skal eksistere etter at jordskiftet er avheimla. Det er eit vilkår for plikta at jordskifteretten som del av behandlinga av saka har klarlagt grensene og kven som har part i sameiget. Plikta til å få sameigene registrerte kom inn i jordskiftelova i samband med ny matrikkellov i 2005. Registreringa kan føre til at bortfeste av tomt i eit jordsameige blir enklare fordi sameiget har eige matrikkelnummer. Skipping av ny grunneigedom vil dessutan vere enklare reint data-teknisk dersom jordsameige har eigne matrikkelnummer. I førearbeida til endringa blei det lagt til grunn at rapporteringa var god nok dersom grensene blei viste på kart godkjent av kommunen. Heimelsforholda trong heller ikkje vere fullstendig klarlagde.

Etter lovforslaget § 6-30 skal jordskifteretten rapportere til matrikkelmyndigheita om at det er

sett fram krav om sak, og om resultatet av saka. Departementet ser ikkje behov for at jordskifteretten skal rapportere inn til matrikkelmyndigheita partstilhøve som blir endra gjennom jordskifte. Det er nok at ein rapporterer inn resultatet av det aktuelle jordskiftet. Etter departementets syn dekkjer heimelen i lovforslaget § 6-30 det behovet matrikkelen har for opplysningar som gjeld jordsameiger. Departementet foreslår difor at heimelen i gjeldande jordskiftelov § 58 fjerde ledd ikkje skal først vidare. Der påstandane frå partane fører til at grensa som jordskifteretten fastset ikkje heng saman med andre grenser, bør jordskifterettane gjere partane merksame på det. Om partane følgjer rettleinga, kan matrikkelen bli meir truverdig. Partane kan òg unngå seinare tvist om grensa.

### 12.3.5.2 Tinglysing

#### 12.3.5.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 6-22 reglar om både rettsbøker, melding til kommunen etter matrikkellova, og tinglysing. Paragrafen erstattar gjeldande jordskiftelov § 22 tredje ledd og § 24. Forslaget til reglar om tinglysing fører i det alt vesentlege vidare gjeldande reglar.

#### 12.3.5.2.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen (DA)* foreslår at det blir gitt ein eigen paragraf berre om tinglysing.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler:

«Tinglysingsutdraget blir i dag arkivert på kontoret i eget system. Dersom utdraget skal oppbevares sammen med dokumenta i saka, vil utdraget bli sendt statsarkivet når saksdokumenta blir sendt dit. Vi mener utdraget bør være tilgjengelig på jordskiftekontoret også etter at dokumenta er sendt til endelig arkivering.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme*, meiner det kan vere uheldig om formuleringa i gjeldande lov om kva som skal tinglyst framleis skal gjelde («alt av varig verdi»). Dei uttaler:

«Den har medført svært ulik praksis ved jordskifterettene og at mye som er unødvendig å tinglyse er blitt tinglyst. Kan for eksempel departementet gis myndighet til å gi mer pre-

sise retningslinjer. Vi reiser spørsmål om det er riktig å tinglyse alle jordskiftesaker. Grensebeskrivelser skal bl.a. i framtida registreres i matrikkelen. Det må derfor være unødvendig å tinglyse grensebeskrivelsene.»

#### *Statens kartverk uttaler:*

«I den grad jordskiftesaken medfører endringer som betinger føring i matrikkelen, må dette skje før registrering i grunnboken. Det kan også være jordskiftesaker som må føres i flere etapper fordi det er elektronisk kommunikasjon mellom registrene og sperrer mot føringar et sted uten tilsvarende i det andre registeret. Rent praktisk hvordan slike forhold skal løses er det ikke naturleg å ta inn som en del av jordskifteloven. Det forutsettes at de gjeldende rutineane mellom jordskifteretten og tinglysingen videreføres.»

#### *12.3.5.2.3 Departementets vurderingar*

Etter lovforslaget § 6-31 er hovudregelen om tinglysing den same som før. Når saka er avslutta og alle avgjerdene har fått rettskraft, skal jordskiftedommaren sørge for at eit utdrag av rettsboka blir tinglyst. Alt av varig verdi skal vere med i utdraget.

Som jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme uttaler kan «alt av varig verdi» vere ein litt upresis uttrykksmåte. Dette er same formulering som i gjeldande jordskiftelov, og dei meiner denne regelen har medført svært ulik praksis ved jordskifterettane. Mykje som er unødvendig å tinglyse, har blitt tinglyst.

Tidlegare, i forarbeida til jordskiftelova av 1950, blei det vurdert om ein skulle knytte regelen opp mot tinglysingslova § 12. Føresegna seier at «Såfremt ikke annet er bestemt ved lov, kan et dokument bare anmerkes i grunnboken når det går ut på å stifte, forandre, overdra, behefte, anerkjenne eller opheve en rett som har til gjenstand en fast eiendom i embedskretsen.» Dette blei likevel ikkje gjort, fordi ein var usikker på om § 12 var fullstendig nok. Sjølv om uttrykksmåten «alt av varig verdi» (tidlegare «varande verde») ikkje gav ei heilt skarp avgrensing, meinte ein at det ville vere «fullnøyande» som ei rettesnor for vurderinga til jordskiftedommarane av kva som skal

takast med i utdraget. *Austenå og Øvstedal* (2000) peikar i kommentarutgåva til gjeldande jordskiftelov side 165, på at tinglysingslova § 12 vil vere ei rettesnor for det som skal med i utdraget, men utan at det kan vere ein uttømmende regel når det gjeld jordskifte:

«Utdraget må i allfall innehalde jordskiftets sluttresultat med kvar enkelt bruks grenser, og kvar det ligg med gardsnummer og bruksnummer, ... og dei «herligheter» som ligg til, saman med dei hefter og byrder som er pålagt i medhald av jordskiftet.» Jordskifteforretninga skal avmerkast på alle dei eigedomane som er berørt av jordskiftet.»

Departementet meiner at omgrepet «alt av varig verdi» bør brukast i den nye jordskiftelova, sjølv om det altså ikkje gir ei heilt klar avgrensing av kva som skal med i utdraget. Som *Austenå og Øvstedal* peikar på, varierer jordskiftesakene mykje med omsyn til innhald og omfang. Det vil bli vanskeleg å setje opp ei fullgod liste med det som skal med i utdraget. Dei uttaler:

«Jordskiftedommaren må på ein måte sette seg inn i den posisjon ein potensiell interessent er i, når han vurderer ein eigedom. Kva er avgjerande for han å få kunnskap om.»

Det er jordskiftedommaren som skal sørge for at utdraget blir tinglyst. Når ei sak er behandla som ankesak i lagmannsretten, er det den jordskifteretten som tidlegare hadde saka, som skal sørge for tinglysing av avgjerda.

Etter tinglysinga skal utdraget oppbevarast saman med dokumenta i saka. Som jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme peikar på, bør utdraget vere tilgjengeleg på jordskiftekontoret etter at dokumenta er send til arkivering i Statsarkivet.

Når det gjeld uttalen frå Statens kartverk, viser departementet til at ein i lovforslaget § 6-30 har tatt inn ei rapporteringsplikt for jordskifterettane. Opplysingar om grensene for kvart enkelt bruk, kvar bruket ligg med gardsnummer og bruksnummer, blir nå ført i matrikkelen. Det går fram av kapittel 8.32.3 at departementet foreslår at rekkefølgja ved innsending til matrikkelen, matrikkelføring og innsending til tinglysing skal løysast med heimel i forskrift etter matrikkellova.

## 12.4 Nærare om visse sentrale delar av tvistelova som ikkje blir gjort gjeldande for saksbehandlinga i jordskifterettane

### 12.4.1 Reglane i tvistelova om dei grunnleggjande føresetnadene for sak

#### 12.4.1.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår dels egne reglar, dels at reglane i tvistelova skal gjelde så langt dei høver når det gjeld dei grunnleggjande føresetnadene for å reise ei sak for jordskifterettane.

Dei grunnleggjande føresetnadene for ei sivil sak går fram av første del i tvistelova, kapitla 1 til 4. Arbeidsgruppa foreslår ikkje unntak for heile kapittel 1 i tvistelova, berre for § 1-3 som gjeld krava til søksmålsgjenstand, partstilknytning og søksmålssituasjon. Arbeidsgruppa foreslår ikkje unntak for §§ 1-1 om formålet til tvistelova, 1-2 om betydinga folkeretten har, 1-4 om søksmåls høve for organisasjonane og § 1-5 om kven ein skal rette eit søksmål mot om eit offentlege vedtak er gyldig.

Når det gjeld tvistelova sitt formål, uttaler arbeidsgruppa i kapittel 5.10.4 på side 93:

«Arbeidsgruppa foreslår at jordskiftelova får eit eige formål, sjå utkastet § 1-1 og grunnleggjande for denne, men arbeidsgruppa legg til grunn at tvisteloven § 1-1, formålsparagrafen, og § 1-2 om forholdet til folkeretten, kan gjelde ved sidan av jordskifteloven sin eigen formålsparagraf. Det er ikkje nokon motstrid mellom desse reglane, men det ligg ein forskjell i at det etter tvisteloven skal liggje ei tvist til grunn for saka, medan dette ikkje er nødvendig for saker etter jordskiftelova.»

Arbeidsgruppa foreslår ikkje unntak for tvistelova § 1-1 (1). Denne paragrafen omhandlar føremålet for tvistelova, og han er av generell og overordna karakter. Tvistelova skal leggje til rette for ei rettferdig, forsvarleg, rask, effektiv og tillitsskapande behandling av rettstvistar gjennom offentleg rettgang for uavhengige og upartiske domstolar.

Arbeidsgruppa meiner at vilkåra om søksmålsgjenstand, partstilknytning og søksmålssituasjon bør regulerast i egne tilpassa reglar i den nye jordskiftelova, jf. høyringsforslaget §§ 6-4 og 6-5. Dette er i samsvar med gjeldande reglar. Tvistelova § 1-3 bør difor vere eit av unntaka frå tvistelova, jf. høyringsforslaget § 6-1 tredje ledd. Gjeldande jordskiftelov har fleire reglar om kven som

kan krevje sak, sjå § 5 for jordskiftesakene og §§ 88 første og andre ledd, og 88 a første og andre ledd for saker om rettsutgreiing og grensegang.

Arbeidsgruppa viser til at det etter jordskiftelova ikkje treng å liggje føre ein tvist. Med det meiner arbeidsgruppa at det ikkje treng liggje føre eit rettskrav frå nokon av partane i tydinga krav av rettsleg art som kan løysast ut i frå rettsreglar, og som er retta mot ein eller fleire andre partar. Det er nok at det ligg føre ein tilstand knytt til eigedommar eller bruksrettar som ein eller fleire av partane vil at retten skal klarleggje eller endre, og fastsetje på ein måte som får rettskraft for partane for framtida. Dette gjer at ein må ha andre reglar om søksmålssituasjonen enn det ein har i tvistelova.

Når det gjeld tvistelova kapittel 2 om «parter, prosessdyktighet, og stedfortredere», og kapittel 3 om «prosessfullmektiger og rettslige medhjelpere», meiner arbeidsgruppa det ikkje er nødvendig med unntak frå tvistelova. Arbeidsgruppa uttaler om tilhøvet til tvistelova kapittel 2:

«I tillegg vil tvisteloven sine reglar om prosessdyktighet og partsevne gjelde. Partsevne gjeld den evna ein fysisk eller juridisk person har (eller manglar) i forhold til å opptre som part i rettssaker. Prosessevne handlar om den evna ein fysisk eller juridisk person har til sjølv å opptre i ein rettssak, mellom anna til å reise eller ta i mot søksmål. Eit sentralt skilje går for eksempel mellom myndige og umyndige personar. Reglane om partsevne etter tvisteloven kapittel 2 meiner arbeidsgruppa kan bli gjort gjeldande også for jordskiftesakene. Gruppa foreslår derfor ikkje unntak for tvisteloven kapittel 2, sjå utkastet § 6-1.»

Arbeidsgruppa kommenterer ikkje tilhøvet til tvistelova kapittel 3. Om unntaket frå tvistelova kapittel 4 «om saklig og stedlig domsmyndighet» uttaler gruppa:

«Arbeidsgruppa foreslår unntak for tvisteloven kapittel 4 om stadleg domsmyndighet (verneting). Gjeldande regel om verneting for jordskifte går fram av jordskifteloven § 12 første ledd første punktum: «Krav om offentleg jordskifte set ein fram for jordskifteretten i den sokna der eigedomen ligg.» Jordskifteloven § 97 gir også tvisteloven § 4-5 første ledd tilsvarende verknad for jordskifte så langt den høver: «Fast eiendom: Søksmål som gjelder fast eiendom, kan anlegges i den rettskrets hvor eiendommen ligger. Ligger eiendommen i flere

rettskretser, kan søksmål anlegges i en av disse. Det same gjelder hvis søksmålet gjelder flere tilstøtende faste eiendommer som ligger i ulike kretser.» Utkastet til ny regel gjer det unødvendig å gjere tvisteloven kapittel 4 gjeldande. Riket er delt inn i egne jordskiftesokn og då bør ein også ha egne reglar om stadleg domsmyndigheit som samsvarar med dette. Arbeidsgruppa foreslår ikkje reglar om at partane kan velje verneting. Synfaring vil så å seie alltid vere nødvendig i dei sakene jordskifteretten behandlar. Det er derfor ikkje grunn til å lovfeste noko anna enn det som uansett er mest praktisk, og som vil bli løysinga i alle saker. Ein skal likevel vere merksam på at domstolloven § 38 om overføring av saker også vil gjelde for jordskifterettane.»

Arbeidsgruppa foreslår egne reglar om verneting i høyringsforslaget § 6-3. Reglar om sakleg domsmyndigheit går fram av lova elles. Jordskifteretten er ein særdomstol som må ha positiv heimel for dei avgjerdene den skal ta. Slik positiv heimel går fram av høyringsforslaget kapittel 3 om jordskifte, kapittel 4 om rettsutgreiing og grensefastsetjing med meir og kapittel 5 om skjønn og andre avgjerder etter andre lover, i tillegg til dei heimlane for skjønn og andre skjønnsliknande avgjerder som går fram av særlovgevinga, for eksempel reindriftslova.

#### 12.4.1.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* uttaler:

«Justisdepartementet er enig i at tvisteloven § 1-3 ikke blir gjort gjeldende etter jordskifteloven. Denne bestemmelsen angir søksmålsbehandlingene i vanlige sivile saker – kravene til søksmålsgjenstanden, søksmålssituasjonen og partstilknytning. Reelt sett er det særleg kravet til søksmålssituasjonen som ikke passer for jordskiftesakene – kravet om at det må foreligge et «reelt behov for å få kravet avgjort» (aktualitetskravet). Men det er også vesentlige forskjeller i kravet til søksmålsgjenstand og partstilknytningskravet. Lovutkastet § 6-4 angir etter det vi forstår hvem som kan anlegge sak for jordskifterettene – med andre ord partstilknytningskravet. Vi har ingen vesentlige innvendinger mot utformingen av denne bestemmelsen.»

*Miljøverndepartementet* uttaler:

«Til §§ 6-5 Når tiltakshavar og offentlig styresmakt kan krevje sak og 6-6 Fråskrivning av retten til å krevje sak. Det ser her ut til å være et behov for en mer utfyllende omtale av spørsmålet om det offentliges adgang til å kreve jordskifte og når det offentlig/myndigheter kan håndheve sine regler direkte i stedet for å være henvist til å kreve/være part i et jordskifte – for eksempel hvis jordskifteretten avlyser en servitut som kommunen mener fortsatt skal gjelde som vilkår for en tillatelse eller dispensasjon.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler:

«Vi kan ikke se noen klar grunn til at tvisteloven § 1-3 (2) skal unntas for jordskifterettens tvisteløsningsarbeid. Forslagets § 6-4 og § 6-5 angir hvem som kan kreve sak (grunneier etc.). Andre kan intervensere etter tvisteloven §§ 15-3 og 15-7 i oppstarta sak. Men noen kan ha sjølstendig interesse i å avklare grense for andre eiendommer/verneområder enn der de direkte har eiendom. Er aktualisert i grensegangssaker for verneområder hvor også eiere i nærheten av verneområdene kan ha «rettslig interesse» i grenseforløp. Høyringsskrivet synes å ha som hovedbegrunnelse for unntaket at det ikke passer for jordskiftesaker (kap. 3). Dette omtales også i kommentaren til § 6-4 hvor det er tydelig at jordskifte etter kap. 3 og tvisteløsning sees under ett. Det er riktig at tvisteloven § 1-3 ikke skal gjelde for jordskifte etter kap. 3, men bestemmelsen bør gjelde for tvisteløsningssakene. Uansett er det ikke logisk at tvisteloven § 1-4 ikke er unntatt når § 1-3 er unntatt. Etter § 1-4 kan organisasjoner kreve sak. (Muligheten faller kanskje mot jordskifteloven § 6-4 og § 6-5, men klargjøring mangler uansett). Vi mener det kan være hensiktsmessig at § 1-4 kan gjelde slik at organisasjoner som for eksempel grendelag kan få fram synspunkter på vegne av allmenheten for for eksempel adkomstraseer. Andre organisasjoner vil kunne ha interesse i å avklare eiendomsgrenser for eiendommer på bakgrunn av at de for eksempel skal nyttes på kontroversielle måte. Samme må derfor også gjelde naboer til slike eiendommer eller til verneområdet hvor det er juridisk uenighet om grensas forløp. Dvs. at det kan være hensiktsmessig at § 1-3 (2) blir gjeldende. Vi mener at dette bør drøftes nærmere.»

*Jordskifterettane i Frostating jordskiftedømme* uttalar:

«Vi er enig i at denne bestemmelsen [§ 1-3] tas ut og at det blir fastsatt egne regler om kravskompetanse. Dette gjelder særlig i forhold til § 1-3 (1). Når det gjelder § 1-3 (2) er det vel i og for seg ikke noe i veien for at denne bestemmelsen kunne gjøres gjeldende både for kap. 3 og 4 sakene.»

#### 12.4.1.3 Departementets vurderingar

Jordskifteretten er ein særdomstol med oppgåve å løyse problem med å nytte fast eigedom, eller avklare uklare grenser eller rettstil høve. For å reise ei sak for dei ordinære domstolane, må det liggje føre ein tvist. Tvistegjenstanden må vere eit krav som er underlagt rettsleg regulering (rettskrav). For reise sak for jordskifteretten er det ikkje nødvendig at det skal vere tvist mellom partane. Det er nok at det ligg føre ein utenleg eigedoms- eller bruksrettstilstand, eller at grensene for ein eigedom er uklare eller at det ligg føre uklare eigedoms- eller bruksrettstil høve, sjå gjeldande jordskiftelov § 1, 88 og 88 a. Desse reglane blir i det alt vesentlege ført vidare i lovforslaget.

Skilnaden mellom jordskifterettane og dei ordinære domstolane påverkar korleis ein kan utforme reglane. Departementet meiner likevel at dei fleste av reglane i tvistelova om grunnleggjande føresetnader for å reise sak, òg kan gjelde for jordskifterettane.

Den tilnærminga departementet har vald til tvistelova, inneber at det ikkje er spørsmål om kva det skal gjerast unntak for, men om kva for reglar i tvistelova som skal gjerast gjeldande. Dette er same ordning som etter gjeldande jordskiftelov, sjå nærare omtale av dette i kapittel 12.2. Departementet meiner at formålet for prosessreglane i jordskiftelova og tvistelova i det alt vesentlege er det same, sjå nærare om dette i kapittel 6.2.

Ein regel departementet meiner ikkje bør gjelde, er tvistelova § 1-3 om søksmålsgjenstand, partstilknytning og søksmålssituasjon. Dette er ein svært sentral regel i tvistelova, som fører vidare prinsippet om krav til «rettsleg interesse» for å reise sak. Den passar likevel ikkje så godt for dei sakstypene jordskiftelova regulerar. Justisdepartementet uttaler at det særlig er kravet til søksmålssituasjonen som ikkje passar for jordskiftesakene. Det vil seie kravet om at det må liggje føre eit «reelt behov for å få kravet avgjort» (aktualitetskravet). Tvistelova § 1-3 er heller ikkje gjort gjeldande for jordskiftesakene i dag, sjå gjeldande jordskiftelov § 97. Dette har samanheng med at det ikkje treng å liggje føre ein tvist for at saka skal kunne behandlast i jordskifteretten. Ein kan

da ikkje ha dei same reglane knytt til søksmålssituasjon som dei ein har i tvistelova.

Kravet til kva det kan reisast sak om («søksmålsgjenstand»), går fram av lovforslaget § 1-4, jf. kapittel 3 Jordskifte, kapittel 4 Rettsutgreiing og grensefastsetjing og anna og kapittel 5 Skjønn og andre avgjerder etter andre lover. Reglane svarar til tvistelova § 1-3 første ledd. Andre typar sivile saker kan ikkje reisast for jordskifterettane, med mindre det følgjer av lovverket. Eksempel på slike lovreglar finn ein i reindriftslova, veglova og visse andre lover som gir jordskifteretten kompetanse til å ta avgjerd i skjønn, eller i skjønnslignande spørsmål (sjå mellom anna drøftinga i kapittel 11 av forslaget om å innføre omgrepet «avgjerder» i reindriftslova og visse andre lover i staden for «skjønn»).

Departementet foreslår at partstilknytninga skal regulerast i eigne reglar om kven som kan reise sak for jordskifteretten, sjå § 1-5 i lovforslaget, og omtalen i kapittel 6.5.

Departementet meiner at dei grunnleggjande føresetnadene for sak bør stå i innleiinga i den nye jordskiftelova, slik dei gjer i tvistelova. Departementet foreslår derfor å ta inn reglar i lovforslaget kapittel 1 del II, §§ 1-4 og 1-5, der desse føresetnadene går fram. Reglane står difor ikkje i kapittel 6 Reglar om saksbehandling.

Departementet meiner ein ikkje treng å gjere kapittel 1 i tvistelova gjeldande, når lovforslaget har eigne reglar om formål med vidare. Tvistelova kapittel 2 og 3 kan gjerast gjeldande. Kapittel 2 Parter, prosessdyktighet og stedfortredere, omhandlar partsevne og prosessevne. Det vil seie den evna ein fysisk eller juridisk person har (eller manglar) i høve til å opptre som part i rettssaker. Prosessevne handlar om den evna ein fysisk eller juridisk person har til sjølv å ta del i ei rettssak, mellom anna til å reise eller ta i mot søksmål. Eit sentralt skilje går for eksempel mellom myndige og umyndige personar. Tvistelova kapittel 3 omhandlar prosessfullmektigar og rettslege medhjelparar. Reglane i tvistelova kapittel 2 og 3 er gitt verknad gjennom gjeldande jordskiftelov § 97, og det same kan gjelde etter den nye jordskiftelova.

### 12.4.2 Tvistelova kapittel 4, om sakleg og stadleg domsmakt

#### 12.4.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at tvistelova kapittel 4 Saklig og stedlig domsmyndighet (verneting), ikkje skal gjelde for jordskifterettane. Jordskifteretten er ein særdomstol som har si domsmakt positivt

heimla i lovverket. Sakleg domsmakt (avgjerdsmyndigheit) går fram av jordskiftelova og andre lover. Arbeidsgruppa foreslår nye reglar om sakleg domsmakt i høyringsforslaget kapitla 3, 4 og 5. Gjeldande regel om stadleg domsmakt (verneting) for jordskifterettane går fram av gjeldande jordskiftelov § 12 første ledd første punktum. Der står det at «Krav om offentleg jordskifte set ein fram for jordskifteretten i den sokna der eigedomen ligg.» Gjeldande jordskiftelov § 97 gir òg tvistelova § 4-5 første ledd verknad for jordskifte så langt ho høver. Tvistelova § 4-5 (1) seier at «Fast eiendom: Søksmål som gjelder fast eiendom, kan anlegges i den rettskrets hvor eiendommen ligger. Ligger eiendommen i flere rettskretser, kan søksmål anlegges i en av disse. Det samme gjelder hvis søksmålet gjelder flere tilstøtende faste eiendommer som ligger i ulike kretser.»

Arbeidsgruppa meiner at høyringsforslaget gjer det unødvendig å gjere tvistelova kapittel 4 gjeldande. Dette gjeld òg § 4-5 første ledd. Riket er delt inn i eigne jordskiftesokn og da bør ein òg ha eigne reglar om domsmakt på staden som samsvarar med dette. Arbeidsgruppa foreslår nye reglar om domsmakt på staden i høyringsforslaget § 6-3.

Arbeidsgruppa foreslår ikkje reglar om at partane kan velje verneting. Synfaring vil så å seie alltid vere nødvendig i dei sakene jordskifteretten behandlar. Det er difor ikkje grunn til å lovfeste noko anna enn det som uansett er mest praktisk, og som vil bli løysinga i alle saker.

#### 12.4.2.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* meiner ein kan slå saman første og andre ledd i høyringsforslaget § 6-3, og viser til tvistelova § 4-5 første ledd.

*Domstoladministrasjonen (DA)* uttaler om høyringsforslaget § 6-3:

«Dersom bestemmelsens innhold er ment å være samsvarende med tvisteloven § 4-5 første ledd og § 4-7, bør det henvises til disse for å unngå tolkningstvil. DA mener overskriften med fordel kan endres. Utkastet § 6-3 regulerer hvor et krav om sak for jordskifteretten skal settes fram. Av pedagogiske hensyn mener DA at dette bør gå fram av lovregelen overskrift. Vi foreslår følgende overskrift: Kvar krav om sak skal settast fram (verneting).»

*Jordskifterettene i Frostating jordskiftedømme* uttaler:

«Det er fastsatt egen regel i § 6-3 i forslaget om dette som ikke innebærer endring i forhold til § 12 i nåværende lov. En får dessuten fjernet det uheldige i at § 4-5 i tvisteloven som innførte et fritt verneting ble gjort gjeldende etter § 97 i nåværende jordskiftelov.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* har forslag til endringar i overskrifta og i ordlyden i høyringsforslaget § 6-3. Forslag til endringar i overskrifta har òg *jordskifterettane i Agder jordskiftedømme*, og *jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme*.

#### 12.4.2.3 Departementets vurderingar

Tvistelova kapittel 4 I gjeld den saklege domsmakta til forlikråda og dei ordinære domstolane. Den saklege domsmakta til tingrettane er negativt avgrensa. Etter tvistelova § 4-1 andre ledd er tingrettane den ordinære førsteinstansen for saker som blir reist for domstolane, når ikkje anna følgjer av første ledd som gjeld domsmakta til forlikråda, eller tredje ledd som gjeld domsmakta til lagmannsrettane. Kapittel 4 II gjeld den stadlege domsmakta til dei ordinære domstolane, det vil seie vernetingsreglane.

Departementet er samd med arbeidsgruppa i at forslaget til ny jordskiftelov gjer det unødvendig å gjere tvistelova kapittel 4 gjeldande. Når det gjeld den saklege domsmakta har jordskifterettane, som er særdomstolar etter domstollova § 2, den myndigheita som jordskiftelova og andre lover legg til jordskifteretten. Domsmakta er positivt avgrensa, og slik må det òg vere i framtida.

Når det gjeld den stadlege domsmakta, meiner departementet at det òg er grunn til å ha eigne reglar, slik arbeidsgruppa foreslår. Lovforslaget § 6-3 om kvar krav skal setjast fram (verneting), er i innhald likt med høyringsforslaget og med gjeldande jordskiftelov. Forslaget er likevel endra noko når det gjeld ordlyden i paragrafoverskrifta. Nokre ledd er slått saman i tråd med innspel frå høyringsinstansane. Riket er delt inn i eigne jordskiftesokn. Da bør ein òg ha eigne reglar om kvar krav skal setjast fram som samsvarar med dette, sjå lovforslaget §§ 6-3 og 2-1. Departementet foreslår ikkje reglar om at partane kan velje verneting. Dette fordi synfaring nesten alltid vil vere nødvendig i dei sakene jordskifteretten behandlar. Domstollova § 38 om overføring av saker vil òg gjelde for jordskifterettane.



### 12.4.3 Tvistelova kapittel 5, om plikter partane har før det blir reist sak

#### 12.4.3.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget unntak frå tvistelova kapittel 5. Kapittel 5 har føresegner om dei pliktene ein part har før sak blir reist for domstolane. Parten har mellom anna plikt til å varsle han eller ho som det er aktuelt å reise sak mot skriftleg, sjå tvistelova § 5-2. Varsetlet skal opplyse om det kravet som kan bli fremja, og grunnlaget for det. Det skal òg opplysast om dokument som har samanheng med kravet, og andre bevis. Varsetlet skal oppmode den andre parten til å ta stilling til kravet og grunnlaget for det. Den som tek i mot varsetlet, har på si side plikt til å ta stilling til kravet, og eventuelt fremje motkrav. Partane skal etter tvistelova § 5-4 undersøkje om det er mogleg å løyse tvisten gjennom semje før sak blir reist for domstolane. Gjeldande jordskiftelov har ikkje slike føresegner for framferda til partane før kravet blir fremja for jordskifteretten. Arbeidsgruppa meiner at reglane i tvistelova kapittel 5 ikkje passar for behandlinga av saker for jordskifterettane.

#### 12.4.3.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* sluttar seg generelt sett til den lovtekniske løysinga arbeidsgruppa foreslår for tilhøvet til tvistelova, og uttaler:

«Justisdepartementet støtter utvalgets tilnærming til tvisteloven ved at utkastet er tett opp til tvistelovens regler og løysningar, men med enkelte unntak, jf. høyringsnotat punkt 5.10. Unntakene som det er redegjort for i punkt 5.10.4, synes velbegrunnede.»

*Jordskifterettane i Frostating jordskiftedømme* uttaler om unntaket for tvistelova kapittel 5:

«Vi er enig i at dette kapitlet tas ut. Det passer ikke for kap. 3 – sakene. Det gjelder for rettslige tvister og kunne derfor ha blitt gjort gjeldende for kap. 4 – saker med tvist. Det stilles imidlertid såpass store krav til saksbehandling forut for et krav at det åpenbart ville føre til større advokatbehov og fordyre prosessen for partene.»

*Bondelaget* uttaler:

«Det kan for øvrig ikke sees at det er gitt noen god begrunnelse for å unnta tvistelovens kapit-

ler 5 og 20, samt §§ 12-1 fjerde ledd og 18-4, i rettsutgreiings og grensesaker. Tvert om vil det være naturlig å la disse reglene få anvendelse i slike tvister. I tilfeller hvor begge parter ønsker en avklaring av et rettsspørsmål uten at det foreligger en tvist, kan nevnte regler suppleres med en bestemmelse etter mønster av odelsloven § 6.»

#### 12.4.3.3 Departementets vurderingar

Etter tvistelova kapittel 5 om plikter før saka blir reist, har partane mellom anna plikt til å varsle skriftleg den det er aktuelt å reise sak mot. Når ein no lagar ny jordskiftelov, er spørsmålet om ein bør innføre tilsvarende føresegner om varsling på førehand og plikter for partane, før ei sak for jordskifteretten tek til. Det ein må oppfatte som grunngevinga for reglane i tvistelova – det at partane skal vere opne om krav og dei bevis som støttar krava, samt tilrettelegging for minnelege løysingar – kan tale for dette.

I kapittel 5 i Ot.prp. nr. 51 (2004–2005) på side 80, uttaler Justisdepartementet mellom anna:

«Departementet mener at en synliggjøring ved lovfesting av en plikt til å varsle motparten, klarlegge krav og grunnlaget for kravet, opplyse om viktige bevis og forsøke å løse saken utenrettslig, vil øke bevisstheten om utenrettslig løsning og bidra til at flere saker blir løst uten at saken bringes inn for domstolene. Reglene vil også legge til rette for at saksforholdet er bedre avklart når sak eventuelt reises for tingretten. Dette er i samsvar med målet om at sakene i større grad skal avklares under saksforberedelsen...»

I høyringsnotatet blir det vist til denne uttalen, men arbeidsgruppa foreslår likevel unntak for reglane i tvistelova kapittel 5. Departementet er samd med arbeidsgruppa i at reglane ikkje bør gjelde. Bakgrunnen for dette er at saker for jordskifteretten ofte har ein annan karakter enn saker for dei ordinære domstolane. Særleg kan den som skal krevje jordskifte, ha vanskar med å finne fram til alle dei som til sjuande og sist blir trekte inn i saka. Det kan vere tilfellet ved større utmarksjordskifte, men òg i andre saker. Grensesaker kan ha eit meir oversiktleg partstilhøve enn jordskiftesakene, men òg grensesakene kan vere svært ulike. Departementet meiner difor at den enklaste løysinga vil vere at tvistelova kapittel 5 ikkje får vernad for saker etter jordskiftelova. Dette får støtte frå Justisdepartementet og jordskifterettane i

Frostating jordskiftedømme. Det har òg vore eit moment i vurderinga at konsekvensane av ikkje å følgje reglane i tvistelova kapittel 5 er eit spørsmål om fordeling av sakskostnader. Det har ikkje noko å seie for om ei sak skal avvist eller ikkje, sjå om dette i Ot.prp. nr. 51(2004–2005) på side 81 og side 377.

#### 12.4.4 Tvistelova kapittel 6, om behandlinga i forlikrådet

##### 12.4.4.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa meiner at det ikkje kan vere grunn til å krevje forlikrådsbehandling av ei sak etter tvistelova kapittel 6 forut for behandling i jordskifteretten. Det er ikkje grunn til å stille forlikrådsbehandling som vilkår for at ei sak skal kunne behandlast. I høyringsnotatet blir det mellom anna vist til at dei fleste sakene for forlikråda gjeld pengekrav. I praksis er hovudfunksjonen altså å skaffe tvangsgrunnlag for formuesrettslege krav.

Forlikråda er òg reine lekmannsorgan. Det blir ikkje stilt spesielle faglege kompetansekrav til medlemmene. Medlemmene er dermed utan juridisk eller eigedomsfagleg kompetanse, eller kan i alle fall ikkje påreknast å ha ein slik kompetanse. Jordskiftesakene reiser gjerne kompliserte spørsmål knytt til avklaring av gjeldande eigedoms-, bruksretts- og grensetilhøve på dei involverte eigedommane. Jordskiftesaka skal ende opp med at det blir fastsett ein skifteplan som skal ha gode jordskiftefaglege løysingar på problem knytt til utnyttinga av desse eigedommane. Det skal etablerast ein ny rettsstilstand og skapast ein samla netto nytte for eigedommane. Retten skal òg ta vare på tapsfråværsгарантиen for dei som er partar i saka. Det skulle vere klart nok at forlikråda ikkje kan handtere slike problemstillingar.

Gjeldande jordskiftelov viser ikkje til tvistelova kapittel 6, så det er heller ikkje krav i dag om forlikrådsbehandling av dei sakene jordskifteretten behandlar. I dei rettsfastsetjande sakene der det er tvist, vil det vere ei overlapping i kompetanse mellom tingrettane og jordskifterettane. Forlikrådsbehandling vil da, alt etter tilhøva, kunne vere eit vilkår for behandling i tingrettane, men ikkje i jordskifterettane.

Arbeidsgruppa meiner at det ikkje vil vere tenleg med eit krav om at oppmålingsforretning skal vere forsøkt før saka blir lagt fram for jordskifteretten. Det vil i tilfelle bety toinstans behandling av grensesaker og oppmåling der det er tvist, i staden for ein meir effektiv og truleg rimelegare

behandling direkte i jordskifteretten. Dei som ikkje er i tvist, bør kunne velje mellom oppmålingsforretning etter matrikkellova eller behandling i jordskifteretten. Dei som er i ei tvist, vil ha valet mellom forlikrådet/tingretten eller jordskifteretten.

Reine grensesaker kan i nokre tilfelle framstå som enkle og oversiktlege. Sakene kan difor vere eigna for mekling og eventuelt dom i forlikrådet. I dei sakene der ein står overfor meir komplekse rettslege og faktiske spørsmål, vil resultatet gjerne bli «innstilling av saken» (jf. tvistelova § 6-11). Rettsutgreiing er det meir usikkert om forlikråda eignar seg for. Slike saker krev kunnskap om tingsrettslege tilhøve, og det vil forlikråda sjeldan eller aldri ha. Det kan i desse sakene fort bli mange komplekse rettslege og faktiske spørsmål å ta stilling til. Hovudregelen vil da bli «innstilling av saken» når det gjeld rettsutgreiing.

Arbeidsgruppa meiner difor at få saker kan løysast av forlikråda. Men sjølv om sakene kan løysast ved dom eller forlik i forlikrådet, vil andre instansar måtte koplast inn for å få sakene sluttførte. Jordskifterettane tek grensesakene «heilt ut», til oppmåling og kartfesting. Krav om forlikrådsbehandling forut for jordskifterettsbehandling vil difor neppe føre til nemnande rasjonalisering.

Konklusjonen til arbeidsgruppa er difor at det ikkje er tenleg å krevje forlikrådsbehandling før jordskifterettsbehandling i nokon av dei sakene jordskifteretten behandlar.

##### 12.4.4.2 Høyringsinstansane

Ei rekkje høyringsinstansar kommenterer forslaget om unntak frå forlikrådsbehandling (tvistelova kapittel 6), og spørsmålet om oppmålingsforretning bør forsøkjast før grensesak kan behandlast i jordskifteretten.

*Justisdepartementet* sluttar seg generelt sett til den lovtekniske løysinga arbeidsgruppa foreslår for tilhøvet til tvistelova, og uttaler:

«Justisdepartementet støtter utvalgets tilnærming til tvisteloven ved at utkastet er tett opp til tvistelovens regler og løysningar, men med enkelte unntak, jf. høyringsnotat punkt 5.10. Unntakene som det er redegjort for i punkt 5.10.4, synes velbegrunnede.»

*Miljøverndepartementet* uttaler at dei

«savner en bedre begrunnelse for å avise forslaget om å ikke kreve oppmålingsforretning

eller behandling i forliksrådet forut for behandling av grensesak i jordskifteretten».

*Tekna – Teknisk naturvitenskaplig forening* støttar både forslaget om unntak for forliksrådsbehandling, og forslaget om at det heller ikkje skal vere krav om at det er forsøkt oppmålingsforretning etter matrikkellova kapittel 7 før behandlinga i jordskifteretten. Tekna uttaler:

«Tekna støtter fullt ut konklusjonen i høringsforslaget om at jordskiftesaker ikke bør starte i forliksrådet. Det er bare jordskifteretten som har den nødvendige kombinasjon av juridisk og teknisk kompetanse til å løse de saker som kreves for jordskifteretten. Å prøve slike saker først for forliksrådet ville være en meningsløs sløsing med tid og ressurser, både for partene og samfunnet. Tilsvarende støtter Tekna konklusjonen om at grensesakene skal kunne fremmes direkte for jordskifteretten uten først å ha vært forsøkt løst som kommunale oppmålingssaker. Dette er situasjonen i dag, og har vist seg som en hensiktsmessig og prosessøkonomisk gunstig løsning. Kommunene har ikke, og vil ikke kunne få myndighet til å avgjøre saker der partene er uenige. I en rettsstat må slike avgjørelser ligge til domstolene. Tekna viser her til at Norge er i en særstilling på den måten at vi tidligere har manglet lovverk for sikker stedfesting av grenser. I grensesakene som bringes inn for jordskifteretten råder derfor som hovedregel både uklarhet og uenighet. Å skulle starte med disse sakene hos den kommunale oppmålingsmyndighet som mangler både nødvendig kompetanse og myndighet, ville derfor også framstå som en totalt hensiktsløs ressursløsning.»

Frå *jordskifteoverrettane* er det òg gitt støtte til forslaget om å ikkje krevje forliksrådsbehandling, og samstundes åtvara mot ei ordning der oppmålingsforretning setjast som eit vilkår for behandling i jordskifteretten. I ei felles uttale frå jordskifteoverrettane heiter det:

«På side 96 i høringsforslaget blir det drøfta om det kan vere grunnlag for eventuelt å stille krav om oppmålingsforretning etter matrikkellova kapittel 7, forut for behandlinga i jordskifteretten. Eit slikt krav vil etter vårt syn innebære eit fordyrande mellomledd i saker der grensene er uklare eller kor det er tvist om grensa. Dette vil vere både urasjonelt og kostnadsdrivande for partane og samfunnet. Vi

åtvarar sterkt mot å innføre kommunal oppmålingsteneste som forliksråd i jordskifte og grensesaker.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler i ei felles fråsegn at dei er samde med arbeidsgruppa i at jordskiftesakene ikkje bør starte opp med behandling i forliksrådet på same måten som saker for dei allminnelege domstolane. Desse jordskifterettane grunngir synet sitt slik:

«Det ville vere svært urasjonelt og ressurskrevjande om jordskiftesakene skulle gå denne vegen. Det ville medføre større kostnader og meningslaus tidsbruk for både partane og samfunnet. Å reise sak direkte for jordskifteretten som har både juridisk og teknisk kompetanse, har i lang tid vist seg å vere tenleg. Jordskifteretten kan både fastsetje, merke av måle inn og skildre grenser og eigedomsforhold i ei og same sak. Eit anna moment er at behandling i forliksrådet før behandling i jordskifteretten nok i mange tilfelle vil medføre at konfliktnivået stig. Det er sjølv sagt ikkje ønskeleg. Vi viser elles til merknadene til § 6-1. Arbeidsgruppa er også innom spørsmålet om grensesaker bør starte opp som kommunal oppmålingsforretning. Gruppa avviser dette som utenleg. Vi er samde med arbeidsgruppa også i dette.»

*Jordskifterettane i Gulating jordskiftedømme* uttaler:

«Kompleksiteten i mange rettsutgreiingssaker og især jordskiftesaker eignar seg ikkje for handsaming i forliksrådet. I forliksrådet er det heller ikkje måleteknisk kompetanse, noko som gjør at forliksrådet ikkje er eigna i grensesaker. På den andre sida, meiner me, at partane må stå fritt til å krevje saka inn for anten tingrett eller jordskifterett i etterkant av handsaming i forliksrådet, der kor jordskifteretten har kompetanse. Kravet om kartforretning før krav om grensesak, vil vera eit fordyrande og forseinkande ledd for partane. Slik det er i dag har dei fleste grensesakene karakter av tvist. Der kor partane er reelt usikre på grensa blir rettsfastsetjande vedtak nytta. Jordskifteretten har verkemidla dom og rettsfastsetjande vedtak tilgjengelege, dette har ikkje styrar av kartforretning. Hadde det vore slik at me i dag fekk mange grensesaker som like godt kunne vore gjennomført ved kartforretning, kunne me ha forstått synspunktet om at partane først skulle

prøvd kartforretning. Det må like fullt vera eit mål at kurante grensesaker, klåre, ikkje omtvista grenser blir merka og målt inn av kommunane.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* uttaler:

«De fleste grensetvistsaker går i dag til jordskifteretten. Jordskifteretten har tradisjon og lang erfaring med å mekle i denne type saker. Jordskifteretten har høy kompetanse i tingsrett, og jordskifterettens personale har lang erfaring i mekling. I vårt distrikt vil en anta at ca. 50 % av tvistesakene løses gjennom forlik. Behandlingstiden for denne type saker er kort; ca. 1/2-1 dags varighet. I denne type sak er det nødvendig å få beskrevet, innmålt og tinglyst den aktuelle grensa. Dette har både et privat- og et samfunnsmessig aspekt. Partene ønsker klare grenseforhold, samtidig som det er et samfunnsansvar å bidra til at kartgrunnlaget blir best mulig. Enkle og oversiktlige saker løses i dag av jordskifteretten gjennom en rasjonell behandling og ved bruk av forsvarlige og enkle metoder. Vi vil advare mot at det innføres et ekstra saksbehandlingsledd (forliksråd) i saker for jordskifteretten.»

Tilsvarande uttalar om ulempene med forliksrådsbehandling og kartforretning har òg *Sør-Trøndelag jordskifterett, jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme og jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme*.

#### 12.4.4.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner som arbeidsgruppa at det ikkje er grunn til å krevje forliksrådsbehandling av ei sak før for behandling i jordskifteretten. Forliksrådsbehandling bør ikkje vere eit vilkår for at ei sak skal kunne behandlast i jordskifteretten. Dette standpunktet har brei støtte i høyringa.

Det er ikkje pårekeleg at medlemmene i forliksrådet har juridisk eller eigedomsfagleg kompetanse. Jordskiftesakene gjeld ofte kompliserte spørsmål om avklaring av gjeldande eigedoms-, bruksretts- og grensetilhøve på dei involverte eigedommane. Jordskiftesaker skal òg ende opp med at det blir fastsett ein skifteplan der det skal finst gode jordskiftefaglege løysingar på problem knytt til utnyttinga av eigedommane. Det skal etablerast ein ny rettsstilstand og skapast ein samla netto nytte for eigedommane. Retten skal òg sørje for at dei som er partar i saka ikkje lir tap. Det skulle difor vere klart nok at forliksråda ikkje kan

handtere slike saker. Forliksrådsbehandling kan ha meining i grensesaker, men vil i dei aller fleste tilfella berre bety unødig bruk av tid og pengar for partane. Departementet er difor samd med arbeidsgruppa i at det ikkje er tenleg å krevje forliksrådsbehandling før jordskifterettsbehandling i nokon av dei sakstypene jordskifteretten behandlar.

Forslaget er likevel ikkje til hinder for at partane i ei grensesak kan velje kva for instans dei vil gå til, etter at dei eventuelt først har vore i forliksrådet med ein grensetvist. Dei kan velje mellom tingretten og jordskifteretten. Poenget er at behandling i forliksrådet ikkje vil vere eit vilkår for å fremje sak for jordskifteretten, slik det etter tilhøva kan vere for å fremje ei sak for tingretten.

Eit anna spørsmål er om det kan vere grunnlag for eventuelt å stille som vilkår at det skal haldest oppmålingsforretning etter matrikkellova kapittel 7 før behandlinga i jordskifteretten. Dette vil da fungere slik at dei sakene der det er semje om grensene, skal avgjerast av partane sjølve gjennom avtale og av kommunen som oppmålingsmyndigheit. I saker der det oppstår tvist, skal dette «markerast i kravet om matrikkelføring», jf. matrikkellova § 33 andre ledd. Det inneber at matrikkelføringa blir gjort med ein merknad i grunnboka om at den aktuelle grensestrekninga eller grensepunktet ikkje kan merkast og oppmålast på grunn av usemja, eventuelt at dei ulike grensepåstandar som partane har blir merka i matrikkelen. Løysinga av tvisten må eventuelt skje ved domstolane, anten ved tingretten eller ved jordskifteretten. Arbeidsgruppa meiner det ikkje vil vere tenleg med eit krav om at oppmålingsforretning skal vere forsøkt før saka blir lagt fram for jordskifteretten. Departementet er samd i dette. Eit slikt krav vil i tilfelle bety ei toinstans behandling av grensesaker og oppmåling der det er tvist, i staden for ein meir effektiv og truleg rimelegare behandling direkte i jordskifteretten. Dei som ikkje er i tvist, bør kunne velje mellom oppmålingsforretning etter matrikkellova eller behandling i jordskifteretten. Dei som er i ei tvist, vil ha valet mellom forliksrådet/tingretten eller jordskifteretten. I dei sakene der grensene er uklare eller omtvista, vil eit krav om oppmålingsforretning innføre eit fordyrande mellomledd på vegen fram mot ei rettsleg avgjerd. Forslaget er på den andre sida ikkje til hinder for at partane gjer bruk av kommunen som oppmålingsmyndigheit når dei er same om grensene.

Høyringsuttalane viser at det er ei samstemmig oppfatning hos jordskifterettane og jordskifteoverrettane, at ein ikkje skal stille krav om at for-

likrårdsbehandling eller kommunal oppmålingsforretning skal vere forsøkt, før ei sak kan reistas for jordskifteretten. Det blir mellom anna vist til at forliksråda er ueigna. Det blir dessutan åtvare mot at forlikrårdsbehandling vil innebere eit fordyrande mellomledd. Konfliktnivået kan òg bli skjerpa. Departementet meiner desse omsyna må bli utslagsgivande, og foreslår at tvistelova kapittel 6 ikkje skal gjerast gjeldande for saker for jordskifteretten.

#### 12.4.5 Tvistelova kapittel 10, om småkravprosessen

##### 12.4.5.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at tvistelova kapittel 10 om småkravprosessen ikkje skal gjelde for dei enkle sakene for jordskifterettane. Arbeidsgruppa viser i høyringsnotatet til at tvistelova bind småkravprosessen til ein bestemt tvistesum (under 125 000 kr, sjå tvistelova § 10-1 (2)a). Ei slik grense for behandling av krav passar ikkje for saker for jordskifterettane. Grunnen er at omfang og kompleksitet av sakene ikkje nødvendigvis heng saman med verdien av dei areala som går inn i eit jordskifte. Ei stor og kompleks sak med mange partar kan dreie seg om summar eller verdier mindre enn 125 000 kr, medan enkle jordskiftesaker i urbane strøk, med få partar, kan dreie seg om store verdier. Utforminga av reglane om samansetjinga av retten kan vere ein betre måte å inkorporere «småkravprosess-tanken» i jordskiftesakene. På den andre sida foreslår arbeidsgruppa at tvistelova § 10-5 om sakskostnader kan gjerast gjeldande for avgjerd i tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett eller andre rettar, utan at dei andre reglane om småkravprosessen blir gjort gjeldande, jf. høyringsforslaget § 7-13 («Dersom tvistesummen er under kr. 125 000, gjeld tvistelova § 10-5 (2) for rettshjelp etter tvistelova § 10-5(1)»). Forslaget til reglar om rettleingsplikt, og den forlikorienterte kulturen ein har i jordskifterettane legg òg til rette for ei grei saksavvikling og minnelege løysingar.

##### 12.4.5.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* sluttar seg generelt sett til den lovtekniske løysinga arbeidsgruppa foreslår for tilhøvet til tvistelova, sjå omtale av dette i kapittel 12.2.

*Sør-Trøndelag jordskifterett uttaler:*

«Småkravprosessen gjelder ikke for jordskifte noe som vi mener er hensiktsmessig. Men § 6-1 bokstav e viser til jordskifteloven kap. 7 mtp at det er enkelte momenter i småkravprosessen som allikevel skal gjelde. Noe uklart hvor mange momenter fra småkravprosessen som er i kap. 7, men det er klart at det i hvert fall er § 7-13, 4. ledd. Hvis det er det eneste burde det vært direkte henvisning. § 7-13, 4. ledd innebærer at småkravprosessens begrensinger i advokatutgifter gjelder for tvisteverdier under kr. 125 000 også for jordskifterettssaker. I denne sammenhengen virker det ulogisk at ikke også tvisteloven § 10-4 (Dommen) gjelder for jordskiftesaker. Jordskifteretten må slik det er foreslått, begrunne sine dommer mer omfattende enn tingretten dersom verdien på tvistegjenstanden er under kr 125 000.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme uttaler:*

«I § 7-13, 4. ledd er det i forslaget tatt inn henvisning til § 10-5 i tvisteloven. Advokatkostnader kan etter denne bestemmelsen bare erstattes med 20 % av tvistesummen. Dersom det bare er denne bestemmelsen i kap. 7 det henvises til burde det ha vært en direkte henvisning til bestemmelsen og ikke til hele kap. 7. Vi er enige i at denne kostnadsbestemmelsen blir tatt med for å få samordnet reglene i tvisteloven og jordskifteloven. I motsatt fall ville en kunne oppleve at advokater fremmer krav om småsaker inn for jordskifteretten bare fordi det der ikke er noen begrensning av advokatutgiftene. Vi mener dessuten at bestemmelsene i § 10-4 (2), (3) og (4) i tvisteloven burde ha vært gjort gjeldende ved tvistebehandling i jordskifteretten. Dersom verdien av tvistegjenstanden er under 125 000 kr. burde det ikke være nødvendig for jordskifteretten å begrunne en dom grundigere enn ved tilsvarende behandling i tingretten. § 10-1 (4) i tvisteloven burde vel tilsvarende gjøres gjeldende for avgjørelse av uenighet om tvistegjenstanden har en verdi som er under 125 000 kr. Slike avgjørelser bør komme tidlig i prosessen slik at partene kan forholde seg til spørsmålet om eventuelle begrensninger i saksomkostningene. Dette er en avgjørelse som i den alminnelige prosessen kan påankes etter § 29-3 første ledd. Etter § 6-1 i forslaget er kap. 29 i tvisteloven blant de bestemmelser som ikke skal gjelde i jordskifteprosessen. Bestemmelsene i kap. 10 i tvistelo-

ven er for øvrig uegnet for behandling av de rettsendrende sakene.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedomme* uttaler:

«I vårt daglige jordskiftearbeid opplever vi i langt sterkere grad enn tidligere, at enkelte prosessfullmektiger pådrar saken ekstra utgifter når det gjelder spørsmålet om vilkårene for å gjennomføre en sak er oppfylt. De fleste prosessfullmektiger har likevel en saklig tilnærming til at det er de materielle sidene av saken som er viktig å belyse. Jordskiftedommer Ove A. Flø og jordskifterettsleder Harald S. Haraldstad har i en artikkel («Perspektiver på jordskifte», Gyldendal 2009, kap.15) pekt på dette problemet, og skriver bl.a. følgende: «Lovgiver må etter vår oppfatning gå en grensegang hvor hensynet til folkets behov for å kunne kreve jordskiftesak får fokus. Å risikere sakskostnader som står utenfor et hvert rimelig forhold til verdiane som er grunnlaget for kravet, må veie tungt. Ved gjennomgangen må lovgiver legge avgjørende vekt på hensynet til å videreføre tradisjonen med selvprosederende parter.» Vi slutter oss til deres anførsler, og vi håper og tror at det forestående lovarbeidet vil klare å ivareta dette hensynet. Et legitimt krav om å gjennomføre et jordskifte må ikke gå på bekostning av en vegring for å kreve sak der det er et reelt behov for få til en endring. Hvorvidt det er behov for å gjennomføre et jordskifte og hvilke ulemper og fordeler det vil bli, må bero på en kvalifisert og materiell vurdering av jordskifteretten. En part må ha lov og anledning til å kunne få belyst mulighetene for å få gjennomført et jordskifte uten at vedkommende skal risikere å måtte pådra seg omkostninger til juridisk bistand før kravet er nærmere klargjort og vurdert gjennom saksforberedelse og nødvendige fortsettende forhandlinger. På den annen side må enhver selvsagt ha et visst vern mot å bli dradd inn i et grunnløst jordskifte. Som vi har redegjort for ovenfor, mener vi at hensynet til rettsikkerhet og prosessøkonomi tilsier at de rettsfastsettende sakene ikke bør underlegges noe absolutt vilkår om forliksråd eller oppmålingsforretning før de kan behandles i jordskifteretten. I denne sammenheng vil vi trekke frem arbeidsgruppas forslag i § 7-13. Vi opplever tidvis at tvistegjenstandens verdi ikke på noen måte samsvarer med det beløpet som kreves dekket for utgifter til juridisk bistand. Utgiftene til sakkyndig bistand må stå i et rimelig forhold til det

som saken gjelder. Den foreslåtte regelen i § 7-13 er derfor svært viktig, og det er bra at tankene omsettes i lovs form. Regelen vil føre til at jordskifteretten lettere kan fastsette hva som er det riktige beløpet som skal tilkjennes den vinende part. Jordskifterettens kompetanse i verdsetting vil i denne sammenheng ha betydning i fastsettelsen av verdigrensa for det beløp som kan kreves erstattet. Vi støtter derfor fullt ut arbeidsgruppas forslag om å innføre «småkravsprosessstanken» slik det er foreslått i § 7-13. Regelen i § 7-13 vil sannsynligvis dempe kostnadsnivået, og dermed risikoen for uforholdsmessig høye utgifter i en del tvister med lave tvisteverdier. Vi ser for oss at denne regelen vil være et godt redskap for å holde utgiftene på et forsvarlig nivå.»

#### 12.4.5.3 Departementets vurderingar

Dei omsyna som ligg bak reglane i tvistlova om småkravsprosessen, det vil seie omsyna til ein rask og rimeleg prosess for partane, bør òg få eit visst gjennomslag for jordskifteprosessen. Departementet er likevel samd med arbeidsgruppa i at tvistelova kapittel 10 om småkravsprosessen ikkje bør gjelde for jordskifterettane, sjølv om jordskifterettane òg behandlar enkle saker. Ein bør i staden finne andre løysingar for å få raske og rimelege prosessar.

Departementets syn har særleg samanheng med at tvistelova bind småkravsprosessen til ein bestemt tvistesum (under 125 000 kr, sjå tvistelova § 10-1 (2)a). Ei slik grense for behandling av småkrav passar ikkje i saker for jordskifterettane. Grunnen er at omfang og kompleksitet i sakene ikkje nødvendigvis heng saman med verdien av dei areala som går inn i jordskiftet. Ei stor og kompleks sak med mange partar kan dreie seg om summar eller verdier mindre enn 125 000 kr, medan enkle jordskiftesaker i urbane strøk, med få partar, kan dreie seg om verdier på fleire millionar kroner. Dette gjer at ein må finne andre måtar å forenkle prosessen på, der dette er ønskeleg.

Rettsfastsettjande saker kan òg reisast for dei ordinære domstolane. Dette taler for at reglane bør vere dei same òg med omsyn til behandlinga av «småsaker». På den andre sida vil det at ein har ulike prosessformar virke kompliserande. Departementet har som mål å ha enklast moglege reglar, òg om saksbehandlinga, ikkje minst av omsyn til dei mange sjølvprosederande partane i saker for jordskifteretten. Har ein fleire ulike løp for prosessen, kan det vere vanskeleg å få oversikt, særleg for dei sjølvprosederande partane.

Kombinasjonen av eigne reglar, tvistelova og skjønnsprosesslova er komplisert nok. Ein bør difor ikkje innføre tvistelova kapittel 10 om småkravsprosessen i tillegg.

Ein måte å inkorporere «småkravsprosess-tanken» i jordskiftesakene, er utforminga av reglane om samansetjinga av retten. I lovforslaget § 2-6 er det gjort til hovudregel at det berre skal vere ein dommar (fagdommar), og at meddommarar berre skal oppnemnast når partane krev det, eller når fagdommaren meiner det trengst. I tvistelova er utgangspunktet for hovudforhandlingane at retten setjast med ein dommar, og at meddommarar skal oppnemnast dersom ein av partane krev det, eller retten meiner det trengst. For småkravsprosessen er utgangspunktet òg at retten setjast med ein dommar. Retten kan likevel setjast med fagkunige meddommarar når det er sett fram krav om det, og det er ønskeleg av omsyn til ei forsvarleg behandling. Når det gjeld samansetjinga av retten i første instans, ser det altså ut til å vere godt samsvaret mellom prosessreglane for småkrav og forslaget til ny jordskiftelov. Utgangspunktet er ein dommar. Meddommarar blir berre oppnemnde når partane krev det, eller retten meiner det trengst.

Eit viktig omsyn bak småkravsprosessreglane er å halde sakskostnadene nede. Gjennom tvisteverdigrensa i tvistelova, vil stort sett alle saker om mindre pengekrav følgje småkravsprosessen. I høyringsnotatet blir det drøfta om ein òg kan gjere tvistelova § 10-5 om sakskostnader gjeldande for avgjerd i tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett eller andre rettar, men utan at reglane elles om småkravsprosessen skal gjerast gjeldande. Ein må i tilfelle gi nokre reglar om vilkåra for når ein har ei «småsak», men berre så langt det er nødvendig for å kunne gi reglane om sakskostnader verknad. Det skulle vere nok å ta med beløpsgrensa på kr 125 000. Poenget er å gi regelen om sakskostnader verknad utan at småkravsprosessen elles skal følgjast. Departementet støttar dette forslaget, og det har òg fått støtte i høyringa. Det er foreslått ein konkret regel om dette i lovforslaget § 7-9 første ledd. Paragraf 6-1 andre ledd bokstav e viser òg til tvistelova § 10-5 første og andre ledd.

Kapittel 17 i tvistelova er teke med i lovforslaget § 6-1 andre ledd bokstav l, og tvistelova sine reglar for berekning av verdien på tvistegenstanden vil difor gjelde i desse sakene.

Småkravsprosessen er lagt til rette for sjølvprosederande partar. Eit sentralt element i småkravsprosessen er kontakten retten har med par-

tane med sikte på å finne ut om det er grunnlag for forlik og minnelege ordningar. Dette er eit sentralt element òg i saker for jordskifterettane, og har vore det i lang tid. Ein kan vel seie at det er ein sterk løysings- og forliksorientert kultur i jordskifterettane. I forslaget til reglar om saksbehandling er det teke inn ein eigen paragraf om rettleingsplikta, sjå lovforslaget § 6-16, og i § 6-17 er det understreka at retten skal undersøkje om det er grunnlag for ei minneleg løysing. Omsynet til minnelege løysingar er difor godt teke vare på i lovforslaget, både for små og store saker.

Rask behandling av sakene er òg eit sentralt mål med småkravsprosessen. Det er sett nokre fristar i lova som skal sikre dette. Saka skal vere avslutta ved dom seinast tre månader etter at stemning blir innlevert (tvistelova § 10-4). Fristen for å avseie dom er elles ei veke etter at saka er teken opp til doms. Det er av omsyn til framdrifta at krava til grunngeving av dommen er meir lempelege i småkravsprosessen, sjå tvistelova § 10-4 siste ledd. Mange tvistar gjeld små krav, og dersom tvist kjem opp i sak som er i gang, ligg det til rette for at fristen tvistelova har på tre månader kan haldast med god margin. Det viktigaste er normalt tidspunkt for slutting av heile saka, og dette må gå føre ønsket om å halde fristen på tre månader. Det kan vere god prosessøkonomi å vente med ein liten tvist til partane må kallast inn for behandling av andre tema. Departementet ser det difor ikkje som nødvendig med fristreglar tilsvarende dei som gjeld for småkravsprosessen.

#### **12.4.6 Tvistelova § 12-1 (4), om habiliteten til dommarane ved bistand med prosesskriv**

##### *12.4.6.1 Høyringsforslaget*

Tvistelova § 12-1 fastset mellom anna at innlegg partane har i saka utanom rettsmøte, skal skje i prosesskriv. Partar utan prosessfullmektig kan likevel setje fram stemning, tilsvaret, og anke med vidare, munnleg ved personleg oppmøte i retten. Retten set da prosesshandlinga opp som prosesskriv. Etter tvistelova § 12-1 fjerde ledd skal ein dommar som gir slik rettleiing, ikkje delta i den vidare behandlinga av saka. Tvistelova § 12-1 gjeld ikkje for jordskifterettane i dag, og i høyringsnotatet argumenterast det for at det framleis bør vere eit unntak frå fjerde ledd i denne regelen. Tvistelova § 12-1 første til tredje ledd kan gjelde. Forslaget er grunnlagt med det store talet på sjølvprosederande partar i saker for jordskifterettane

#### 12.4.6.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* sluttar seg generelt sett til den lovtekniske løysinga arbeidsgruppa foreslår for tilhøvet til tvistelova, og uttaler:

«Justisdepartementet støtter utvalgets tilnærming til tvisteloven ved at utkastet er tett opp til tvistelovens regler og løysningar, men med enkelte unntak, jf. høyringsnotat punkt 5.10. Unntakene som det er redegjort for i punkt 5.10.4, synes velbegrunnede.»

*Jordskifterettane i Frostating jordskiftedømme* uttaler om unntak for tvistelova § 12-1 fjerde ledd om inhabilitet for dommarar som har gitt hjelp til å setje opp prosesskriv:

«Etter denne bestemmelsen kan ikke en dommer som har gitt bistand til å sette opp stevning, prosesskriv m.v. delta i behandlingen av saken vidare. Det er helt nødvendig at denne bestemmelsen blir tatt ut. En slik bestemmelse ville lamme mange jordskifteretter etter kort tid.»

*Bondelaget uttaler:*

«Det kan for øvrig ikke sees at det er gitt noen god begrunnelse for å unnta tvistelovens kapitler 5 og 20, samt §§ 12-1 fjerde ledd og 18-4, i rettsutgreiings og grensesaker. Tvert om vil det være naturleg å la disse reglane få anvendelse i slike tvister. I tilfeller hvor begge parter ønsker en avklaring av et rettsspørsmål uten at det foreligger en tvist, kan nevnte regler suppleres med en bestemmelse etter mønster av odelsloven § 6.»

#### 12.4.6.3 Departementets vurderingar

Tvistelova § 12-1 omhandlar generelle reglar om prosesskriv. Det er mellom anna bestemt at innlegg partane gir til retten utanom rettsmøte, skal skje i prosesskriv. Partar utan prosessfullmektig kan setje fram stemming, tilsvaer, anke med meir, munnleg ved personleg oppmøte i retten. Retten set da prosesshandlinga opp som prosesskriv. Blir det gitt slik hjelp av ein tilsett som ikkje er dommar, skal prosesskrivet leggjast fram for ein dommar før det blir underteikna. Etter tvistelova § 12-1 fjerde ledd skal ein dommar som gir slik rettleiing, ikkje delta i den vidare behandlinga av saka. Blir det gitt slik rettleiing av ein tilsett som ikkje er dommar, skal prosesskrivet leggjast fram for

ein dommar før det underteiknast. Dommaren vil da kunne delta i den vidare behandlinga av saka.

Departementet er samd med arbeidsgruppa og jordskifterettane i Frostating jordskiftedømme, i at tvistelova § 12-1 fjerde ledd ikkje kan gjelde. Etersom departementet har vald ein annan systematikk i høve tvistelova, kjem løysinga fram ved at § 12-1 første til tredje ledd gjerast gjeldande, men ikkje § 12-1 fjerde ledd. Bakgrunnen for unntaket er det store talet på sjølvprosederande partar i saker for jordskifterettane, og at jordskifterettane er små domstolar med ein eller to dommarar. Overfor sjølvprosederande partar må dommaren ofte gi rettleiing til partane ut over det ein ville ha gjort om partane hadde hatt prosessfullmektig, for eksempel ved å gi rettleiing til ein part utan at dei andre partane er tilstades. Det skulle likevel ikkje vere nødvendig å ha ein så streng nøytralitets- og habilitetsregel for jordskiftedommarane som den som følgjer av fjerde ledd i tvistelova § 12-1. Streng nøytralitets- og habilitetsreglar vil slik jordskifterettane i Frostating jordskiftedømme viser til, kunne lamme mange jordskifteretter etter kort tid. Dommaren må sjølv sagt vere forsiktige med korleis dei handterer rettleiinga, og ikkje gi uttrykk for noko bestemt oppfatning om dei spørsmåla saka reiser. Dei må ikkje la si oppfatning av saka bli påverka av at det blir gitt bistand til ein eller fleire av partane.

### 12.4.7 Tvistelova kapittel 16, unntak for kapittel 16 IV om stansing

#### 12.4.7.1 Høyringsforslaget

I gjeldande jordskiftelov § 97, er det bestemt at tvistelova kapittel 16 Styring av sakens fremdrift. Spesielle virkemidler, del I Oppdeling og III Forsømmelser og fraværdom skal gjelde i jordskifte-, rettsutgreiings- og grensegangssaker på tilsvarende måte så langt dei høver. Kapittel 16 II Omberammelse og utsettelse, og IV Stansing er ikkje gjort gjeldande.

Arbeidsgruppa foreslår at heile tvistelova kapittel 16 skal gjelde tilsvarende for saksbehandlinga i jordskifteretten, så langt reglane i kapitlet høver.

#### 12.4.7.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* foreslår konkrete unntak for tvistelova § 16-16 første ledd bokstav c og d, om stansing av ei sak når ein part eller stedfortreder dør, eller buet til sak-



søkjaren takast under konkursbehandling, dersom tvistegenstanden inngår i bumassen.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner tvistelova § 16-16 bokstav b og c kan vere naturlege å bruke i saker med få partar, medan desse reglane kan lamme fullstendig ei sak med mange partar. Det er uproblematisk at buet inngår som part i staden for avdøde eller selskapet som går konkurs. Ved privat skifte går arvingane inn som partar.

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* meiner reglane i tvistelova kapittel 16 II Omberammelse og utsettelse i praksis har vore brukt tidlegare og at det er riktig at dei nå kjem med. Dei meiner det er riktig at reglane om stansing etter tvistelova kapittel 16 IV òg blir gjort gjeldande. Dette har mellom anna noko å seie for saksbehandlingstida.

#### 12.4.7.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at dei fleste av reglane i tvistelova kapittel 16 Styring av sakens fremdrift, Spesielle virkemidler, kan gjerast gjeldande for saksbehandlinga i jordskifterettane. Det er likevel ønskeleg å gjere visse unntak, men dei treng ikkje vere like omfattande som dei er etter gjeldande jordskiftelov. Dei unntaka departementet foreslår, er dels i tråd med forslaget frå jordskifterettane i Eidsivating og Agder jordskiftedømmer, men går litt lenger. Unntaket gjeld det meste av kapittel 16 del IV om stansing, under dette tvistelova § 16-16 første ledd bokstav b når: «en part eller stedfortreder dør», eller bokstav c: «saksøkerens bo blir tatt under konkursbehandling, dersom tvistegenstanden inngår i bomassen».

Unntaket er gjort særleg med tanke på saker etter kapittel 3 i lovforslaget, og har samanheng med at det normalt ikkje vil vere grunn til å stanse eit jordskifte fordi om det skjer endringar ved at for eksempel ein av partane går konkurs, eller at ein part døyr. Eit jordskifte gjeld eigedommane, ikkje eigarane. Jordskiftet kan i visse saker omfatte eit stort tal partar og eigedommar. Det er ikkje heilt uvanleg at det inntreffer slike omstende som nemnde i tvistelova § 16-16 første ledd bokstav b og c. Som jordskifterettane i Agder jordskiftedømme peiker på, kan reglane i tvistelova § 16-16 bokstav b og c gjere at ei sak med mange partar blir lamma fullstendig. I jordskiftesakene vil jordskifteretten ha ansvaret for at jordskifteløysinga ikkje fører til at kostnadene eller ulempene blir større enn nytten for nokon eigedom eller bruksrett, jf. lovforslaget § 3-18, og det vil ikkje vere nokon fare for at arvingane eller konkurs-

buet skal tape på at saka held fram. Det skulle ikkje vere problematisk at buet inngår som part i staden for avdøde, eller for eit selskap som er gått konkurs. Ved privat skifte går arvingane inn som partar. Departementet meiner difor at ein ikkje treng reglar om stansing tilsvarende tvistelova § 16-16 første ledd bokstav a og b for desse sakene.

Reglane kunne kanskje gjerast gjeldande fullt ut for dei andre sakstypene, men omsynet til enkle og oversiktlege reglar tilseier at ein ikkje gjer forskjell på sakstypene her. Departementet foreslår som ei «mellomløysing» at kapittel 16 IV i tvistelova ikkje blir gjort gjeldande, ut over § 16-18 *Stansing i andre tilfeller*. Denne paragrafen gjer det mogleg for retten å stanse ei sak etter krav frå ein part, dersom utfallet heilt eller delvis avheng av rettstil høve som blir avgjort i ei anna sak. Retten kan òg stanse ei sak dersom tungtvegande grunnar taler for det. Departementet meiner desse reglane gjer det mogleg for retten å stanse ei sak dersom den finn gode nok grunnar til det. Jordskifteretten vil dermed ikkje vere avskoren frå å stanse ei sak på grunnlag av for eksempel dødsfall eller konkursbehandling om den skulle meine dette er heilt nødvendig. Departementet meiner at reglane i tvistelova kapittel 16 utover dette òg må kunne brukast analogisk, så langt dei høver, om det skulle oppstå særleg behov for det.

Departementet har òg vurdert unntak for tvistelova kapittel 16 III, særleg i høve til saker etter kapittel 3 Jordskifte. Tilhøvet til kapittel 16 III blei drøfta i Ot.prp. nr. 74 (2005–2006) om lov om endringer i tvisteloven (endringer i straffeprosessloven og andre lover) på side 86. Det blir her vist til Ot.prp. nr. 57 (1997–1998) på side 64, der det blir uttalt at det ikkje er ønskeleg med ein heimel for jordskifteretten til å seie fraværdsdom (uteblivelsesdom) under saksførebuinga. I Ot.prp. nr. 74 (2005–2006) seiast det at departementet ikkje tek sikte på at denne praksisen skal endrast, sjølv om jordskiftelova etter endringane viser til heile kapittel 16 III i tvistelova. I Ot.prp. nr. 74 (2005–2006) heiter det mellom anna:

«Tvistemålsloven §§ 344-354 er erstattet med tvisteloven kapittel 16 III. Det innebærer at det også vises til alle reglene som gir hjemmel for å avsi fraværdsdom, herunder fravær under saksforberedelsen, slik som omhandlet i § 16-7 første ledd bokstav c og § 16-8 første ledd bokstav b. Forut for innføringen av henvisningen til §§ 344-354 ble det i Ot.prp. nr. 57 (1997–98) 16.4 s. 64 uttalt at det ikke er ønskelig med hjemmel for jordskifteretten til å avsi uteblivel-

sesdom på dette tidspunktet. Departementet tar ikke sikte på at denne praksis skal endres, men antar likevel at det er praktisk å vise til hele kapitteldelen om forsømmelser og fraværdom. Det antas å følge tilstrekkelig klart av utformingen av jordskifteloven § 12 tredje ledd at det ikke er aktuelt med noen fraværsvirkninger etter tvisteloven kapittel 16 III om skriftlig eller muntlig uttalelse unnlates. Fortsatt vil verken § 12 tredje ledd eller jordskifteloven for øvrig vise til regler som påbyr retten på dette trinn av saken å opplyse om virkningen av ikke å gi svar eller møte, jf. tvisteloven § 9-3 første ledd tredje punktum og § 9-5 første ledd jf. § 13-2 fjerde ledd annet punktum. Om møtefravær for øvrig bemerker departementet at det i lovforarbeidene er antatt at regelen om sluttbehandling i § 16-8 første ledd bokstav a bare vil gjelde rettsmøter i småkravprosessen i tillegg til hovedforhandling og ankeforhandling, slik at regelen ikke kan anvendes ved fravær fra et rettsmøte som avholdes som del av en kombinert skriftlig og muntlig behandling etter § 9-9 annet ledd. Når regelen i tvisteloven § 16-8 skal gjelde «på tilsvarande måte så langt dei høver» i jordskiftesaker mv., antar departementet at det er regelen i første ledd bokstav a som i første rekke vil kunne utløse møtefravær, selv om jordskiftelovens henvisning til de alminnelige reglene om hovedforhandling ikke videreføres. Departementet antar at forutsetningen for å fastslå møtefravær i jordskifteprosessen fortsatt bør være at det dreier seg om en rettstvist, og at det da ikke vil være vanskelig å fastslå når det er et rettsmøte for sluttbehandling, jf. § 16-8 første ledd bokstav a, og når det er et rettsmøte som må vurderes etter regelen i § 16-8 annet ledd.»

Departementet meiner at det heller ikkje i den nye jordskiftelova er nødvendig å gjere unntak frå kapittel 16 III. Departementet meiner det skulle gå klart nok fram av lovforslaget § 6-5 at det ikkje er aktuelt med fraværsvirknader etter tvistelova kapittel 16 III om skriftleg eller munnleg uttale (tilsvar) unnlatast. Ved forkynninga av krav om sak vil partane bli oppmoda til å komme med sitt syn på det eller dei krava som er reist, og partane bør da seie frå om korleis dei stiller seg til krava. Dei bør òg føre dei bevisa og gi dei opplysningane dei har. Lovforslaget § 6-5 skal gjelde i staden for tvistelova § 9-3, og § 6-5 har ei lempelegare utforming når det gjeld plikta til å gi tilsvaret. Det er heller ikkje gitt nokon regel om plikt for retten til å

opplyse om verknaden av å ikkje gi tilsvaret, slik det er i § 9-3. Departementet legg difor til grunn at praksis etter gjeldande jordskiftelov vil halde fram. Tvistelova § 9-5 om rettsmøte under saksførebuinga og § 13-2 om innkalling til rettsmøte er heller ikkje gjort gjeldande for saksførebuinga i jordskifteretten. I staden er det gitt reglar om innkalling til rettsmøte i lovforslaget § 6-10. Tvistelova § 16-8, skal gjelde «så langt den høver» etter den nye jordskiftelova, jf. lovforslaget § 6-1 bokstav k. Departementet legg til grunn at det òg i framtida vil vere § 16-8 første ledd bokstav a som vil kunne utløse møtefravær, jf. uttalen i Ot.prp. 74 (2005–2006). Dette vil gjelde i spørsmål der det er tvist, og det ikkje vil vere vanskeleg å fastslå at det dreier seg om eit rettsmøte for sluttbehandling. Det vil òg bli rekna som møtefravær dersom retten har bestemt at det vil bety fravær i saka om partane ikkje møter, jf. § 16-8 andre ledd.

## 12.4.8 Tvistelova § 18-4, om fråfall av søksmål

### 12.4.8.1 Høyringsforslaget

Tvistelova § 18-4 gjeld verknadene av at ein part trekkjer eit krav frå behandling i retten etter at kravet er forkynt for motparten, eller er sett fram i rettsmøte. Arbeidsgruppa foreslår konkret unntak for tvistelova § 18-4, og viser til at denne paragrafen heller ikkje er gjort gjeldande i jordskiftelova i dag, sjå gjeldande lov § 97. Dette har samanheng med dei forskjellane det er på jordskifteprosessen og sivilprosessen.

### 12.4.8.2 Høyringsinstansane

*Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler:

«Kravet i tvisteloven § 18-4 om å oppgi kravet som forutsetning for at saka skal trekkes, kan ikke gjelde for jordskiftesaker. Det er ikke noe rettslig krav å oppgi, og jordskifteloven § 6-9, 6. ledd må være gjeldende slik som foreslått. Men tvisteloven § 18-4 bør være gjeldende i to tilfeller: – Dersom det i ei jordskiftesak er avklart at et tvistetema må løses for at den jordskiftemesige delen av saka skal kunne videreføres, burde forutsetningen om å oppgi kravet for å frafalle saken etter tvisteloven § 18-4 kunne gjøres gjeldende. – Dersom kravet er konkretisert i grensegang/rettsutgreiing bør også tvisteloven § 18-4 kunne gjøres gjeldende. Tvisteloven § 18-4 må derfor kunne gjøres gjeldende (dvs. oppgi kravet) i slike tilfeller.»

*Jordskifterettane i Frostating jordskiftedømme* uttalar:

«Vi er enig i at dette er en bestemmelse som ikke egner seg ved behandlingen av de rettsendrende sakene. Her har vi i dag en spesialregel i § 12, 5. ledd som sier at et krav bare kan trekkes tilbake så lenge vedtak om å fremme saken ikke er ført inn i rettsboka. Dette er en bestemmelse som må opprettholdes selv om det etter lovforslaget ikke kan knyttes til fremmingstidspunktet men til tidspunktet for starten på behandlingen av saken, jfr. § 6-9 6. ledd i lovforslaget. Vi mener § 18 – 4 bør gjøres gjeldende i kap. 4 saker og ved tvistebehandling som er nødvendig for å komme videre i en kap. 3 – sak.»

*Norges Bondelag* uttalar:

«Det kan for øvrig ikke sees at det er gitt noen god begrunnelse for å unnta tvistelovens kapitler 5 og 20, samt §§ 12-1 fjerde ledd og 18-4, i rettsutgreiings og grensesaker. Tvert om vil det være naturlig å la disse reglene få anvendelse i slike tvister. I tilfeller hvor begge parter ønsker en avklaring av et rettsspørsmål uten at det foreligger en tvist, kan nevnte regler suppleres med en bestemmelse etter mønster av odelsloven § 6.»

#### 12.4.8.3 Departementets vurderingar

Tvistelova §18-4 gjeld verknadene av at ein part trekkjer eit krav frå behandling i retten etter at kravet er forkynt for motparten, eller er sett fram i rettsmøte. Kravet skal i slike tilfelle reknast som oppgitt dersom det blir trekt før retten har teke avgjerd i saka, sjå tvistelova § 18-4 (1). Kravet kan trekkjast utan at det blir oppgitt, for eksempel når motparten samtykkjer til det, sjå tvistelova § 18-4 (2).

Tvistelova § 18-4 er ikkje gjort gjeldande i jordskiftelova i dag, sjå gjeldande jordskiftelov § 97. Paragrafen bør heller ikkje gjerast gjeldande for framtida. Unntaket har samanheng med at jordskifteprosessen skil seg frå sivilprosessen på fleire måtar. I jordskifteprosessen tek rekvirenten opp eit tema eller problem som han vil at jordskifteretten skal behandle. Det er ikkje noko krav om at det skal vere tvist mellom partane. Domsresultatet i jordskifteretten blir heller ikkje «frifinnelse», sjå gjeldande jordskiftelov § 17. Det same

gjeld for vedtak etter gjeldande jordskiftelov § 17 a. Resultatet skal tinglysast. Det er ikkje avgrensa til dagens eigarar, men gjeld for eigedommane. Jordskifte inneber endring av eksisterande eigedoms- eller bruksrettstil høve. Tvistelova § 18-4 vil difor ikkje ha meining. Ein kan ikkje ha ei ordning som hindrar forbetring av utenlege til høve. Sjå òg regelen i gjeldande jordskiftelov § 5 siste ledd. Den seier «Rett til å krevje jordskifte kan ein ikkje skrive frå seg». Regelen har same grunngiving. Jordskifteprosess er noko kvalitativt anna enn vanlig sivilprosess. Tvistelova § 18-4 passar i sivilprosessen, men ikkje i jordskifteprosessen.

Det er likevel eit spørsmål om unntaket bør gjelde både for rettsendrande og rettsfastsetjande avgjerder. Det er særleg i høve til dei rettsendrande avgjerdene (jordskifte) regelen ikkje passar. I høve til dei rettsfastsetjande avgjerdene er ikkje dette like opplagt. Sør-Trøndelag jordskifterett meiner tvistelova § 18-4 kan gjelde når kravet er konkretisert i sak om rettsutgreiing eller grensegang. Det same uttalar jordskifterettane i Frostating jordskiftedømme. Jordskifterettane viser òg til at regelen passar ved tvistebehandling som er nødvendig for å komme vidare i ei jordskiftesak.

Departementet meiner at tvistelova § 18-4 ikkje bør gjerast gjeldande for nokon av dei saks typane jordskifteretten behandlar. Eit krav som gjeld avklaring av uklare eigedoms- og rettstil høve bør kunne trekkjast utan at det får den følgje at kravet fell bort. Dette gjeld sjølv om kravet inneheld påstand om ei bestemt grense. Det at dagens eigar ikkje ønskjer å slutføre ei sak om klarlegging av grenser eller rettar, kan ikkje vere til hinder for at spørsmålet kan behandlast seinare. Det knyter seg store samfunnsmessige interesser til det å ha klare rettstil høve og grenser for eigedommar. Det bør alltid vere mogleg å få komme tilbake med krav om rettsutgreiing, endå om eit tilsvarande krav blei trekt tidlegare. Det vil òg vere slik at eit krav om rettsutgreiing eller grensefastsetjing kan behandlast sjølv om det er ganske generelt i forma og ikkje har nokon klart formulert påstand om for eksempel ei konkret grense. Det er nok å krevje avklaring av grenser ein meiner er uklare. Det er eit samfunnsmessig behov for å ha klare eigedomsgrenser. Det synest ikkje å vere god rettspolitikk om det å trekkje eit slikt krav skulle få konsekvensar for moglegheita til å reise grensesak for jordskifteretten seinare. Problemstillinga vil vel heller ikkje bli noko stort spørsmål i praksis.

### 12.4.9 Tvistelova § 19-4 første ledd, om avseiing av rettslege avgjerder

#### 12.4.9.1 Høyringsforslaget

Tvistelova § 19-4 gjeld avseiing av rettslege avgjerder. Av første ledd går det fram at ei rettsleg avgjerd er bindande for retten når ho er avsagt. Arbeidsgruppa meiner den nye jordskiftelova bør gjere unntak for denne regelen. Arbeidsgruppa meiner at reglane i andre til femte ledd, som gjeld andre omstende, kan gjelde så langt dei høver. Første ledd kan i utgangspunktet òg gjelde for rettsfastsetjande avgjerder som jordskifteretten tek. Det bør likevel vere unntak for visse avgjerder, jf. høyringsforslaget § 6-21 første ledd der arbeidsgruppa foreslår unntak for jordskifteavgjerdene etter høyringsforslaget § 6-19 fjerde ledd bokstav a og b. Gruppa meiner unntaket er nødvendig dersom regelen i gjeldande jordskiftelov § 17 a siste ledd skal kunne førast vidare. Regelen gjer at jordskifteretten på visse vilkår kan endre på dei rettsendrande vedtaka som er fatta tidlegare i prosessen, og som elles ville vere bindande for retten.

#### 12.4.9.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettane i Frostating jordskiftedømme* uttaler:

«§ 19-4 (1) om når retten er bunden av ei avgjerd, så langt det gjeld jordskifteavgjerd etter § 6-19 tredje ledd bokstav a og b undervegs i saka. Vi er enig i at det gjerdes unntak for de nevnte jordskifteavgjørelser. Dette er også i tråd med situasjonen slik den er i dag, jfr. § 17a, 6. ledd i nåværende lov og § 6-21, 1. ledd i forslaget. Det er svært viktig at det holdes åpen en mulighet for å endre slike avgjørelser under sakens gang.»

#### 12.4.9.3 Departementets vurderingar

Av tvistelova § 19-4 første ledd går det fram at ei rettsleg avgjerd er bindande for retten når ho er avsagt. Andre til femte ledd i § 19-4 gjeld andre omstende, mellom anna om tidspunktet for når ei skriftleg avgjerd er avsagt, når ei munnleg avgjerd er avsagt, og fristane for når ei avgjerd skal avseiast. Departementet er samd med arbeidsgruppa i at reglane i andre til femte ledd i § 19-4 kan gjelde så langt dei høver. Første ledd kan i utgangspunktet òg gjelde. Det må likevel vere eit unntak for slike jordskifteavgjerder som er omhandla i § 6-23

fjerde ledd i lovforslaget (for eksempel jordskifteavgjerd om verdsetjing og anna undervegs i saka). I lovforslaget er dette foreslått regulert slik at § 6-1 gjer heile tvistelova kapittel 19 gjeldande generelt. I § 6-25 første ledd andre punktum er det ein spesialregel om at jordskifteavgjerd undervegs i saka likevel kan omgjerast fram til saka blir avslutta, når særlege grunnar gjer at avgjerda ikkje kan bli ståande.

Regelen i § 6-25 første ledd andre punktum er nødvendig dersom regelen i gjeldande jordskiftelov § 17 a siste ledd skal førast vidare. Etter § 17 a siste ledd kan jordskifteretten på visse vilkår endre dei rettsendrande vedtaka ein har fatta tidlegare i prosessen, og som elles ville vere bindande for retten. Unntaket gjeld fram til saka blir avslutta. Når saka er avslutta, er jordskifteavgjerda òg bindande for jordskifteretten.

Gjeldande jordskiftelov § 17 a siste ledd kom inn i lova i 1998. Behandlinga av ei jordskiftesak kan vere omfattande og ha mange steg. Dette gjeld for eksempel ved ny eigedomsutforming av fleire teigar. Hovudregelen er at det ikkje kan brukast rettsmiddel før heile saka er slutt. Det er først ved avslutninga at tapsfråværsгарантиen verkeleg kan prøvast. Det er òg slik at den nye teiginndelinga kan vere viktigare enn verdsetjing. Det same kan òg gjelde resultatet av ein liten tvist om tilhøva før jordskifte. Partane kan vere nøgde med dei nye teigane, men usamde om verdsetjing eller resultatet av ein dom. Dette kjem først og fremst av at jordskifte ikkje er byte etter areal, men etter verdi. Totalarealet eigedommane har treng ikkje vere likt før og etter jordskifte, men verdien skal vere lik (eventuelt høgare). Ved avslutning av saka kan partane sjå at dei totalt fekk ei god løysing sjølv om dei ikkje er samd i alle vurderingar fram til sluttresultatet.

For partane og retten er det eit stykke på veg ein fordel at alle avgjerder kjem så seint som mogleg i saka. På den andre sida må retten gjere seg ferdig med noko for å koma vidare i saka. Alt kan ikkje vente til slutt. Dei ulike stega i jordskiftet er dels rettsfastsetjande og dels rettsendrande. Det rettsfastsetjande blir fastsett ved rettsforlik eller dom. Dei rettsfastsetjande sakene gjeld eksisterande tilhøve, og det er berre eit rett svar på dei. Retten er bunden når han seier dom eller liknande, men avgjerdene kan ankast når saka er slutt dersom vilkåra for anke er oppfylte.

Dei rettsendrande avgjerdene byggjer på skjønsmessige vurderingar. Da er det ikkje nødvendigvis berre eitt svar som er rett. Behovet for å kome vidare i saka kombinert med at det kan vere god grunn til å justere tidlegare avgjerd, er grun-

nen til unntaket frå tvistelova § 19-4 første ledd for rettsendrande avgjerder. Det er likevel ikkje fritt fram for å endra. Vilkåret er at det ligg føre særlege grunnar. Regelen skal sikre tilstrekkeleg framdrift, samtidig som avgjerder kan endrast når det er nødvendig.

#### **12.4.10 Tvistelova kapitla 32 til 37, om midlertidig sikring og særlege prosessformer**

##### *12.4.10.1 Høyringsforslaget*

Arbeidsgruppa foreslår unntak for tvistelova kapittel 32 til 37. Gruppa meiner at dette er reglar som ikkje er aktuelle for saksbehandlinga i jordskifterettane. Når det gjeld tvistelova kapittel 34 «*Midlertidig forføyning*», viser gruppa til høyringsforslaget § 3-30.

##### *12.4.10.2 Høyringsinstansane*

*Jordskifterettane i Frostating jordskiftedømme* uttaler:

«Dette er bestemmelser i tvisteloven som ligger utenfor det som er aktuelt i jordskiftesammenheng og det er riktig at de er tatt ut.»

##### *12.4.10.3 Departementets vurderingar*

I lovforslaget § 6-1 blir det ikkje vist til tvistelova kapitla 32 til 37. Dette er reglar som departementet meiner ikkje er aktuelle for saksbehandlinga i jordskifterettane, og dei blir difor heller ikkje gjort gjeldande. Jordskifterettane i Frostating jordskiftedømme er av same oppfatning. Når det gjeld unntaket for tvistelova kapittel 34 Midlertidig forføyning, viser departementet til lovforslaget § 3-34. Etter denne paragrafen kan jordskifteretten gi reglar om bruken av areala innanfor jordskifteområdet fram til jordskiftet er gjennomført. Reglar om mellombelse tiltak ut over dette skulle det ikkje vere behov for.

## **12.5 Bortfall av vedtak om fremjing**

### **12.5.1 Høyringsforslaget**

I gjeldande jordskiftelov § 14 andre ledd andre punktum står det: «Først avgjer retten om saka skal fremmast.» Fremjinga skjer ved eit vedtak, sjå gjeldande jordskiftelov § 17 første ledd andre punktum. Vedtaket om fremjing kan påankast til lagmannsretten, sjå gjeldande jordskiftelov § 61

tredje ledd bokstav a og h, når anken gjeld anna enn materielle grunnar (og altså gjeld formelle grunnar), eller anken gjeld avgjerd om saksbehandlinga eller rettsbruken som jordskifteretten har sett til førehands påanke. Blir fremjing av saka nekta av materielle grunnar er jordskifteoverretten ankeinstans. Dei materielle vilkåra for ei jordskiftesak går fram av gjeldande jordskiftelov §§ 1 til 3.

Arbeidsgruppa viser til at føresegnene om fremjing i utgangspunktet gjeld for jordskiftesakene. For dei rettsfastsetjande sakene (rettsutgreiing og grensesak) er det ikkje nokon slik heilt klar regel, men arbeidsgruppa legg til grunn at òg dei rettsfastsetjande sakene må fremjast gjennom eit vedtak, etter gjeldande jordskiftelov.

Arbeidsgruppa foreslår å snu om på ordninga med eit vedtak om fremjing slik at det jordskifteretten skal gjere, er å avvise saka dersom det blir klart for retten at vilkåra for å behandle saka ikkje kan oppfyllest. Avvising skal skje uavhengig av på kva for tidspunkt i saka dette blir klart, jf. høyringsforslaget § 6-9 og drøftinga i høyringsnotatet kapittel 5.10.7. Vedtaket om fremjing fell såleis bort. Slik det er etter gjeldande jordskiftelov skal retten på eit meir eller mindre sikkert grunnlag, og tidleg i saka, ta stilling til om dei materielle vilkåra er til stades. Arbeidsgruppa viser til at føresetnadene for jordskiftet vil kunne endre seg under saka. Retten kan difor likevel måtte stanse saka på eit seinare tidspunkt (etter fremminga) fordi vilkåra for å behandle saka ikkje lenger kan oppfyllest.

### **12.5.2 Høyringsinstansane**

Forslaget om å fjerne ordninga med vedtak om fremjing er mellom dei mest omdiskuterte i høyringa. *Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner tanken om ikkje lenger å skulle fremje ei sak er uvant, fordi dette er så godt innarbeidd. Dei meiner forslaget likevel er interessant og uttaler:

«Etter dagens jordskiftelov er skillet mellom de formelle vilkårene og det vi vil kalle for den materielle vurderingen (realitetsbehandlingen) uklart. Både jordskifteretten, prosessfullmektiger og ikke minst selvprosederende parter, har i mange tilfeller vanskelig for å trekke opp et klart skille mellom det ene kontra det andre. Fremmingsvedtaket kommer ofte for tidlig i prosessen; dvs. før det materielle er tilstrekkelig vurdert. Vi håper derfor at man i det forestående lovarbeidet trekker opp klare skillelinjer mellom formelle vilkår og det vi kaller den materielle vurderingen. I denne sammen-

heng vil vi peke på at vi stiller oss bak arbeidsgruppas konklusjon om at fremmingsvedtaket bør tas ut av loven; jf. eget punkt om dette. Arbeidsgruppa har belyst de svakheter som en unødvendig, og i visse tilfeller kostbar, prosess om formaliteter, kan medføre. Enhver som har et legitimt og fornuftig krav, må ha rett til å få vurdert sitt krav om en rettsendring (jordskifteløsning), uten å stå i fare for å risikere store utgifter i en forutgående tvisteprosess om saken kan fremmes eller ikke fremmes»...

«Bestemmelsen om fremmingsvedtaket etter dagens lov ikke er god. Den har i mange sammenhenger ført til en viss usikkerhet, med til dels unødvendige og kostbare tvister om fremmingsspørsmålet. I tillegg er det ofte vanskelig for jordskifteretten å gjøre et slikt vedtak i starten av en sak. På dette tidspunktet har jordskifteretten fått på det rene hva som er problemene i saken, men det kan være vanskelig å vite nøyaktig hvordan problemene vil bli løst og ikke minst hva dette vil føre til for hver enkelt eiendom. I en del saker er dette så vanskelig at det synes lite hensiktsmessig å skrive et fremmingsvedtak på dette tidspunktet. Vi er enig i arbeidsgruppas konklusjon om å ta bort fremmingsvedtaket, og vi stiller oss i hovedtrekk bak den argumentasjon som arbeidsgruppa har redegjort for i sin rapport på side 104-105. Vi vil særlig peke på det arbeidsgruppa skriver om at den beste løsningen er å gå inn i realiteten i saken så fort som mulig og ikke bruke for store ressurser på fremmingsspørsmålet. Når man tar bort fremmingsvedtaket må forutsetningen være at man får innarbeidet regler i kap. 6 som ivaretar hensynet til et klart skille mellom de formelle og de andre jordskifteskjønnsmessige (materielle) vilkårene. Dette er viktig for å kunne sette en stopper for parter som fokuserer mer på prosess enn løsninger på problemene i saka. For å unngå unødvendig prosess og misforståelser, ser vi det som svært viktig at man omskriver og får tilpasset reglene i kap. 6, spesielt §§ 6-9 og 6-19, på en bedre måte enn lovutkastet.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* drøftar fordelar og ulemper med vedtaket om fremjing, og konkluderer med at vedtak om fremjing kan takast bort, men da under føresetnad av at moglegeita for «evighetsprosedyre» etter høyringsforslaget § 3-4 blir fjerna. I tilfelle vedtaket om fremjing blir oppretthalde må det gjerast klart at vedtak om fremjing ikkje er nødvendig i rettsfastsetjande saker (grensesak og rettsutgreiing).

*Jordskifterettane i Gulating jordskiftedømme* meiner at regelen i dag i jordskiftelova § 14 første ledd andre punktum om at det første jordskifteretten skal gjere er ta stilling til om saka skal fremjast, ikkje har ei heldig utforming. Jordskifterettane uttaler:

«Ofte er det slik at å vurdere fremming ikkje er det første jordskifteretten kan gjere. Mange forhold vil først måtte avklarast, som t.d. tilskot til ymse tiltak, løyve frå forvaltninga osv. Vidare kan ofte kost/nytte-vurderingar krevje mykje arbeid både frå partane og frå jordskifteretten si side for å skaffe fram tilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag. Dette betyr at fremmingsvedtak ikkje kan gjerast før grunnlaget er tilstrekkeleg opplyst, noko som i mange tilfelle medfører at fremmingsvedtaket kjem seint eller nesten til slutt i saka. Når jordskifteretten etter forslaget likevel må prøve vilkåra for jordskifte, definere saka sakleg og geografisk og å tilføre rettsboka at realitetsbehandling har tatt til, bør poenget med å ta bort obligatorisk fremmingsvedtak i saker etter forslaget kap. 3 drøftast nøyare. I drøftinga bør tidspunktet for fremming vere sentralt. Fremming bør først skje når grunnlaget er tilstrekkeleg opplyst. Me meiner at den som kjem med eit rimeleg krav om endring/jordskifte ikkje bør risikere store sakskostnader. Gjeld kravet noko jordskifteretten kan handsame, må dette kunne gjerast utan at motparten sine kostnader skal bli velta over på rekvirenten. Det må gjennom det vidare arbeidet med lova gjerast grep som sikrar dette, sentrale reglar vil her vera § 6-19, § 7-6 og § 7-13.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* uttaler:

«Etter denne bestemmelsen [§ 6-9] skal det ikke lenger gjøres noe vedtak om å fremme saken på første rettsmøtet. Det er bare snakk om avvising på grunn av mangler ved kravet og avvising mens saken går dersom retten mener at vilkårene etter § 3-2 og § 3-3 ikke kan bli oppfylt. Dette synes vi er en bra endring. Den vil medføre at det ikke blir så mye fokus på fremmingsspørsmålet, og det kan bidra til at spørsmålet om fremmingen blir en egen prosess med stort ressursforbruk og kostnader før saken egentlig kommer i gang. Det er etter det nye forslaget først og fremst opp til retten om et avvisingsspørsmål skal tas opp. Det vil nok også nå være slik at det i saksforberedelsesfasen eller på første møte eller senere vil dukke

opp krav om å nekte saken fremmet på materielt grunnlag eller at den må avvises på ikkematerielt grunnlag fra en eller flere parter og som retten må ta stilling til, men det vil etter det vi kan se ikke bli anledning til å anke dette før saken er avsluttet, jfr. § 8-4 i forslaget uten at retten bestemmer det. Etter nåværende § 61, 3. ledd i jordskifteloven, jfr. § 62, 3. ledd er det en automatisk ankeadgang til lagmannsretten straks avgjørelsen er tatt. Det vil nok i en del tilfeller bli behov for å få en endelig avklaring på om de ikke materielle vilkår for å behandle saken er til stede før realitetsbehandlingen tar til, men når den automatiske adgangen til å anke dette til lagmannsretten blir tatt bort vil en uansett kunne unngå vesentlig tidstap og prosessomkostninger. For at dette skal fungere godt i praksis er det nødvendig at det blir en nøyaktig avklaring av når en sak nektes fremme av materielle grunner og når en sak avvises av ikke materielle grunner.»

Eit fleirtal av *jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedomme* meiner det vil ha ein del uheldige sider å ikkje føre vidare det obligatoriske vedtaket om fremjing. Dei meiner at alle jordskiftesaker, grensesaker og rettsutgreiingssaker framleis skal fremjast i ei formell avgjerd. Dersom dette blir endra må det takast inn endringar i lovforslaget som reduserer dei negative konsekvensane av endringa. Jordskifterettane uttaler òg:

«Lovutkastet pålegger i prinsippet ikke jordskifteretten andre plikter i forhold til fremme/avvisning enn det som gjelder for de ordinære domstoler. Det innebærer at det bare er formelle forhold som litispensens, rettslig interesse og partsevne som skal vurderes. Jordskifteretten er en særdomstol som må ha en positiv hjemmel for å kunne behandle en sak. Retten har en selvstendig plikt til å avgjøre/konstatere om hjemmelen foreligger. Dette gjøres ved fremminga. Jordskifteretten kan derfor ikke likestilles med de ordinære domstoler. Vi kan ikke se at arbeidsgruppa har vurdert fjerning av fremminga i forhold til at jordskifteretten er en særdomstol. Kravet til fremmingsvedtak i dagens lov tvinger jordskifteretten til å foreta vurderinger av de formelle og materielle vilkårene for å gjennomføre saken. De materielle vilkårene er utformet minst like strengt i lovutkastet som i dagens lov. Ved bortfall av fremmingsvedtaket bortfaller prosessen som sikrer den grunnleggende prøvinga. Partene vil ikke få vite hvordan retten har vurdert og tenkt.

Dette er også en vesentlig svakhet i forhold til overprøving. Ved fremmingsvedtaket blir den saklige og geografisk avgrensning avklart. Lovutkastet etterlater seg uklarheter om hvordan denne avgrensningen skal gjøres. Vi har oppfattet at formålet med å fjerne det obligatoriske fremmingsvedtaket er å redusere prosessen om fremminga både i forhold til jordskifterettens arbeidsmengde og prosesskostnader. Vi peker på at det er i de saker hvor fremmingen har vært omtvistet at prosessen har hatt noe omfang. Etter lovutkastet skal jordskifteretten fortsatt ta stilling til påstand om at saken skal nektes fremmet eller avvises. Det er således de enkle og uomtvista fremmingsvedtak som vil falle bort. Disse representerer ingen stor arbeidsmengde for jordskifteretten og har heller ikke medført kostnader for partene. Vi mener at det nevnte formålet ikke oppfylles ved å fjerne den obligatoriske fremmingsavgjørelsen. Vi mener at fjerning verken vil eller bør få noen betydning i forhold til hvilket konfliktnivå det er i oppstarten på ei sak.»

*Jordskifteoverrettane* uttaler i ei felles fråsegn:

«Måten eit krav om jordskifte blir fremma er ikkje uvesentleg. Vi er samde i at det er gode grunnar for å tone ned fremminga som ein viktig milepæl i jordskifteprosessen. Særleg bidreg endringane i § 3-3 til dette. Vi er likevel ikkje samde i at ei slik avgjerd uansett nektingsgrunn skal kallast avvising. Etter vårt syn peikar forma avvising mot tvistelova sitt system, som gjeld dei formelle nektingsgrunnane for å halde sak. Vi meiner at ein framleis må skilje mellom avvising av formelle grunnar, og fremme eller nekte fremme av materielle grunnar, slik det i dag er i skjønnsprosesslova og i ulike skjønnslover. Etter vårt syn bør slike materielle spørsmål bli avgjort i forma jordskifteavgjerd, slik at overprøving, saksomkostnader og andre regelsett følgjer reglane for jordskifteavgjerd. Skiljet mellom dei materielle og formelle nektingsgrunnane høyrer til dei mindre godt definerte skilja i sivilprosessen. Vi kan likevel ikkje sjå at det er nokon god veg utanom, men dette kan løysast ved å definere i lova uttømmande kva for vurderingar som er materielle.»

*Agder lagmannsrett* har ei uttale om høyringsforslaget til reglar om rettsmiddel, der ein òg tek opp skiljet mellom prosessuelle og materielle vilkår for ei sak for jordskifteretten. Lagmannsretten pei-

ker på betydninga av den avgjerdsforma ein brukar på ei avgjerd om å stanse ei sak, og kva som vil vere rett behandling når ei avgjerd om stansing/avvising blir anka:

«På et punkt vil forslaget etter min oppfatning kunne medføre en u hensiktsmessig løsning. Lovutkastets § 8-2 første ledd omfatter med ett unntak slike judisielle avgjørelser som i dag er gjenstand for anke til lagmannsrett. Unntaket jeg sikter til er det jordskifteloven omtaler som kjennelser om avvisning av «materielle grunner», hvor rettsmidlet er anke til jordskifteoverretten, se jordskifteloven § 61 tredje ledd bokstav a, sammenholdt med siste ledd. Motstykket er avvisning av «andre enn materielle grunner», dvs. formelle eller prosessuelle grunner, hvor rettsmidlet i dag er anke til lagmannsrett. Lovutkastet viderefører ikke denne sontringen mellom materielle og ikke-materielle avvisningsgrunner som operativt kriterium for valg av prosessregler ved overprøvingen. Dette er i og for seg en god ting. Kriteriet materielle grunner er uklart og har gitt opphav til en rekke tvister. Jeg er enig i at det ikke bør videreføres. Det hindrer likevel ikke at regelen innenfor sitt kjerneområde er godt begrunnet. Med materielle grunner siktes i første rekke til hovedvilkårene for å fremme jordskiftesak i jordskifteloven §§ 1-3; at eiendommene er utjenlige, at jordskifteretten må ha et egnet virkemiddel til rådighet, og at ingen eiendom vil lide tap (ikketapsgarantien i § 3 a). Dette er avgjørelser som må treffes på grunnlag av jordskiftesaglige vurderinger, og det er derfor gode grunner til at overprøvingen skjer ved jordskifteoverretten, ikke lagmannsretten. De materielle vilkårene for jordskifte i jordskifteloven §§ 1-3 er i det vesentlige videreført i lovutkastet §§ 3-2 og 3-3, jf også §§ 3-6 flg. om virkemidlene. Lovutkastet innebærer at avgjørelser om å nekte saken fremmet – forkaste kravet om jordskifte – fordi hovedvilkårene ikke er oppfylt, vil bli truffet i form av en kjennelse som er gjenstand for overprøving etter reglene i § 8-2 første ledd og § 8-3 første ledd av tre fagdommere etter reglene i tvisteloven. Dette følger av lovutkastet § 8-2 første ledd, sammenholdt med definisjonen av kjennelser i § 6-19 femte ledd bokstav a og § 6-9 fjerde ledd. Den sistnevnte bestemmelsen gir uttrykkelig anvisning på at saken skal avvises ved kjennelse når jordskifteretten blir klar over at vilkårene for å behandle den ikke lenger er til stede, herunder at vilkårene for jordskiftesak i §§ 3-2 og 3-3 ikke kan bli

oppfylt. Dette innebærer en vesentlig realitetsendring utover det som følger av overgangen til felles rettsmiddelinstans. Jeg tror ikke det er tilstrekkelig overveiet å endre behandlingsform ved overprøving av disse jordskiftesaglige realitetsavgjørelsene fra jordskifteprosess til allmennprosess. Overprøvingen i lagmannsretten bør heller skje etter prosessordningen for «jordskifteavgjerd» i lovutkastet § 8-2 annet ledd, jf. § 8-3 annet ledd. Det er ikke tilstrekkelig at lovutkastet gir førstelagmannen kompetanse til å bestemme at en av tre fagdommere skal være jordskiftelagdommer. Hvis man er enig i disse synspunktene, er det ikke til å unngå at man må videreføre et skille mellom avgjørelser om avvisning på det grunnlag at prosessuelle vilkår for å behandle saken ikke er oppfylt på den ene siden, og avgjørelser om å nekte saken fremmet fordi vilkår for jordskifte ikke er oppfylt på den annen. Det er imidlertid mulig å utforme reglene slik at man unngår uklarhetene som kriteriet «materielle grunner» er belemret med. Man bør ikke bruke uttrykket avvisning om negative realitetsavgjørelser av kravet om jordskifte, men heller bruke uttrykk som at jordskiftesaken nektes fremmet. Denne begrepsbruken har en parallell i skjønnsprosessen, hvor det er innarbeidet å sondre mellom avgjørelser om avvisning av skjønnsaken av formelle grunner etter skjønnsprosesslovens § 9 og avgjørelser om å nekte skjønnskravet behandlet av materielle grunner etter § 26 eller § 48 annet ledd. Dette er riktignok avgjørelser som typisk gjelder tvister om prejudisielle rettsforhold av betydning for om skjønnet kan fremmes. Nærmere enda ligger det å sammenligne med lovbestemmelser som gir skjønnsretten kompetanse til å avgjøre om vilkårene for et inngrep eller tiltak er til stede, som for eksempel ved ekspropriasjon av privat adkomstrett etter vegloven § 53. Her vil en negativ avgjørelse begrunnet med at den nødvendige interesseovervekt ikke foreligger bli truffet i form av skjønn, altså den ordinære formen for realitetsavgjørelser. En presis løsning vil være å bestemme at avgjørelser om å nekte jordskiftekravet behandlet fordi vilkårene i §§ 3-2 eller 3-3 ikke er oppfylt, treffes i form av jordskifteavgjerd. Anvendelsesområdet for regelen vil da også falle sammen med lovutkastet § 3-5 første ledd annet punktum om sperretid, hvor det er av interesse å konstatere at jordskiftelovens § 4 er videreført med en tilsvarende endring av kriteriet «materielle grunner.»



### 12.5.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner som arbeidsgruppa at ordninga med eit obligatorisk vedtak om fremjing ikkje bør først vidare i den forma det har no. Departementet kan langt på veg slutte seg til grunngevinga arbeidsgruppa har for dette. Endringa har òg støtte i mange av dei høyringsfråsegnene som er kome inn, mellom anna frå fagmiljøet i jordskifterettane. På bakgrunn av høyringsuttalane ser departementet det likevel som nødvendig med visse tillempingar i lovforslaget. Det gjeld i høve til kva for avgjerdsform som skal brukast ved eventuell stansing/avvising av ei sak når dei materielle vilkåra for å behandle saka ikkje (lenger) er tilstades. Bruken av avgjerdsform har samanheng med behandlinga av anke over slik avgjerd, nemleg korleis ankeinstansen bør setjast saman for å sikre rett kompetanse for behandlinga av slike spørsmål.

Departementet ser at det kan vere fleire argument for å behalde vedtaket om fremjing. Som arbeidsgruppa peiker på er desse argumenta mest tungtvegande ved ny utforming av eigedom, altså i jordskiftesakene. Sjølv om ordninga med eit vedtak om fremjing fell bort, må retten tidleg i ei saka vurdere om dei særlege vilkåra for ei jordskiftesak er tilstades. Partane i saka og retten kan bruke mykje tid på å klarleggje eigedomstilhøve før skifte, verdsetje eigedommane, og avklare og merkje grenser med meir. Partane kan òg måtte tilpasse seg dei nye tilhøva ved å flytte vegar, gjerde, og så vidare. Eit vedtak om fremjing medverkar til å klarleggje om endringa (truleg) kan gjerast utan at nokon lir tap. Som det går fram av uttalen frå jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme, tvingar kravet om fremjingsvedtak i gjeldande lov, jordskifteretten til å vurdere dei formelle og materielle vilkåra for å halde saka.

På den andre sida har behandlinga av vedtaket om fremjing slik ho er i dag nærast blitt ein eigen prosess. Vedtaket om fremjing bidrar til å gjere sakene meir omfattande og dyrare for partane. Jordskifteretten må tidleg i prosessen, før retten har full oversikt over saka, gjere vedtak som kan få store konsekvensar. Fjernar ein ordninga med vedtak om fremjing må jordskifteretten gå meir direkte på løysinga av det temaet eller problemet som er brakt inn for retten. Departementet meiner at det er viktig å ta realitetsspørsmålet opp til behandling og eventuelt å få avslutta ei sak om vilkåra for sak ikkje er oppfylte, så tidleg som mogleg. Den beste løysinga vil da vere å gå raskt inn i realiteten i saka, og ikkje bruke for store ressursar på spørsmålet om fremjing.

Som arbeidsgruppa og nokre av høyringsinstansane peiker på, vil det i saker med stor samla nytte og stor netto nytte for alle eigedommar, vere lite problematisk at vedtaket om fremjing går ut. I saker med marginal samla nytte og stor fare for at ein eigedom lir tap, er det viktig at det ikkje blir brukt store ressursar på den førebels nyttevurderinga som vedtaket om fremjing i realiteten er. I slike saker er det viktig at retten går direkte på realitetane i saka. Jordskifteretten løyser både omfattande saker som for eksempel ny utforming av eigedom og meir oversiktlege saker som felles tiltak, bruksordning, grensegang, og anna. I meir oversiktlege saker er det viktig og lite problematisk å gå direkte på realitetsbehandling av saka.

Ny utforming av eigedom kan vere ein meir omfattande prosess i fleire steg. Prosessen handlar om verdsetjing, ny inndeling av teigar, grensmerking og så vidare. Spørsmålet er om dagens vedtak om fremjing fører til mindre ressursbruk og større rettstryggleik i dei meir omfattande sakene, enn forslaget til arbeidsgruppa. Departementet meiner at det heller ikkje for dei omfattande sakene bør vere eit obligatorisk vedtak om fremjing. Jordskifteretten må vurdere realitetane og avvise (stanse) saka, eller del av saka, når det blir klart at dei materielle vilkåra for ei jordskiftesak (lovforslaget §§ 3-2, 3-3 og 3-18) ikkje kan oppfyllest. Avvising etter ein omfattande prosess der partane har brukt store ressursar, er uheldig. Vedtaket om fremjing er ingen garanti mot dette, og den beste løysinga totalt sett er at vedtaket om fremjing går ut.

Departementet kan ikkje sjå at vedtaket om fremjing er nødvendig av den grunn at jordskifteretten er ein særdomstol. Retten har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at vilkåra for sak er oppfylde. Dette gjeld under heile prosessen, og vedtaket om fremjing er ikkje ein nødvendig føresetnad for at retten skal kunne ha dette ansvaret.

I høyringsforslaget er skiljet mellom materielle og prosessuelle vilkår tona ned, og mellom anna ikkje gjort til noko kriterium for valet av prosessreglar når det gjeld overprøving (anke). Etter høyringsforslaget skal avvising av ei sak skje ved orskurd, uansett om avvisninga skjer på grunnlag av formelle eller materielle vilkår, jf. høyringsforslaget § 6-9 fjerde ledd. Bruken av orskurd som avgjerdsform fekk den konsekvens at anke over avgjerd om avvising skulle behandlast etter høyringsforslaget § 8-2 første ledd eller § 8-3 første ledd. Da skulle lagmannsretten i utgangspunktet setjast saman av 3 fagdommarar (men slik at retten etter § 8-2 første ledd kunne setjast med 2 fagdommarar og ein jordskiftelagdommar, om første-

lagmannen bestemmer det). Fleire av høyringsinstansane, mellom anna Jordskifteoverrettane og Agder lagmannsrett, er inne på at dette ikkje er noko gunstig ordning. Som høyringsinstansane understrekar, vil overprøvinga av dei materielle vilkåra vere ei jordskiftefagleg overprøving. Det må da vere rett at retten alltid setjast med jordskiftelagdommar. Dette vil ein oppnå om ei prøving av dei materielle vilkåra blir teke som jordskifteavgjerd, sjå lovforslaget § 6-23 fjerde ledd bokstav a, og § 8-7 andre ledd. Ei avgjerd av om at dei materielle vilkåra er innfridde, blir dermed òg teke ved jordskifteavgjerd. Behandling av anke over avgjerda vil i slike tilfelle innebere ei jordskiftefagleg overprøving.

Departementet er elles samd med Agder lagmannsrett i at kriteriet «materielle grunnar» (sjå mellom anna gjeldande jordskiftelov § 61 tredje ledd bokstav a) kan vere uklart og at det ikkje er nokon grunn til å føre det vidare. I staden for å bruke omgrepet avvising (og avgjerdsforma orskurd) om ei negativ avgjerd av kravet om jordskifte, kan ein i avgjerda uttrykke det slik at saka blir nekta fremja. Ein gjer såleis bruk av det som er realitetsavgjerda for jordskiftesakene, det vil seie jordskifteavgjerd. Slik avgjerd vil etter forslaget vere eit resultat anten av behandlinga av ein påstand om avvisning av kravet, eller eit resultat av vurderinga retten gjer, jf. plikta retten har til å vurdere dei materielle vilkåra *ex-officio*.

*Følgjer av at vedtaket om fremjing fell bort: Trekking av saka*

Arbeidsgruppa peiker i høyringsnotatet på at det er viktige følgjer av bortfall av vedtaket om fremjing som må løysast. Dette gjeld mellom anna reglane om at ein part ikkje kan trekkje saka etter at det er fatta vedtak om fremjing, men etter gjeldande rett fram til dette tidspunktet. Her er gjeldande rett eit avvik frå disposisjonsprinsippet. Avviket er ein følge av at jordskifteretten har eit sjølvstendig ansvar for totaliteten i ei jordskiftesak. Ved jordskifte blir eigedoms- og råderettstilhøva endra eller klarlagt, og partane kan til ein viss grad ikkje endre tilhøva aleine utan medverknad frå det offentlege. Dei nye tilhøva kan føre til endringar i matrikkel og matrikkelkart. Dei kan ha noko å seie for panthavarar, eller berre vere lovlege dersom delingsløyve eller andre løyve ligg føre. I ei sak som er i gang, kan det vere gjort endringar som anten må registrerast eller reverserast. Dette må jordskiftetretten sjå til at er i orden før det blir gitt samtykke til at saka kan trekkjast.

Er saka derimot ein tvist med to påstandar, kan partane ha fullt herredøme over ho til retten har skreve under dommen, sjå tvistelova § 18-4. Deretter kan partane anke saka, eller avtale noko som set resultatet av dommen til sides. I slike høve er det difor ikkje noko behov for ein regel om protokollering, på same vis som eit vedtak om fremjing knapt har nokon reell funksjon i slike saker i dag.

Departementet foreslår at gjeldande reglar om trekking av ei jordskiftesak blir ført vidare, med den forskjell at verknadene knyttast til at det er ført inn i rettsboka (protokollert) at behandlinga har starta, sjå lovforslaget § 6-19 jf. § 6-4 fjerde ledd. Etter at det er ført inn i rettsboka at behandlinga av saka har starta, kan rekvirenten berre trekkje saka dersom retten samtykkjer. Kravet om at retten skal samtykkje, medfører ikkje at retten står fritt til å vurdere om partane skal få samtykke. Avslag må få ei grunngeving. Etter lovforslaget § 6-19 andre ledd kan ei sak om grensefastsetjing eller sak om rettsutgreiing blir trekt fram til retten tek avgjerd, tilsvarande det som gjeld for tvistar etter tvistelova § 18-4. Tvistelova § 18-4 er likevel ikkje gitt verknad for desse sakene, sjå kapittel 12.4.8.

Endringa skal føre til at jordskifteretten går meir direkte på problemløysinga, og dette må førast inn i rettsboka sidan det har konsekvensar for partane. Det kan innvendast mot ein regel om protokollering at konsekvensane er så store at ein bør nytte ei avgjerdsform. Protokollering er ikkje nok. Departementet ser det ikkje slik, og vil understreke at det er viktig å setje ein stoppar for dei som ønskjer prosess og ikkje løysing. Jordskifteprosessen må verne den vanlege parten som vil ta eigedommen i bruk. Han må ha vern mot dei som kan bruke store prosesskostnader for å hindre klargjering eller endring av eigedomstilhøve.

*Følgjer av at vedtak om fremjing fell bort: Litispendens*

Tvistelova § 18-2 Når hinder for ny sak inntre og opphører, er teke med i oppstillinga av kva for reglar i tvistelova som gjeld, sjå lovforslaget § 6-1 bokstav m. Krav om sak for jordskifteretten blir etter lovforslaget litispendedent frå kravtidspunktet. Dette fører vidare gjeldande rett når det gjeld saker om grensefastsetjing og rettsutgreiing. Det er derimot ei endring når det gjeld jordskiftesaker. Etter gjeldande jordskiftelov gjeld tvistelova § 18-2 berre for rettsutgreiing og grensesak. Ei jordskiftesak etter gjeldande jordskiftelov § 2 blir først litispendedent ved vedtaket om fremjing.

Departementet meiner det er naturleg å leggje reglane i tvistelova til grunn når det gjeld litispendedent

dens. Etter tvistelova § 18-2 er det at ein reiser sak til hinder for ei ny sak etter tvistelova § 18-1, når forliksklage er komen inn til forliksrådet eller når stemning er komen inn til retten. For jordskiftesaker må det avgjerande tidspunktet da bli tidspunktet for framsetjinga av kravet. Verknaden av litispensens trer inn når kravet blir innlevert til jordskifteretten, og varer så lenge saka verserer for denne retten. Departementet ser, på same måten som arbeidsgruppa, ikkje behov for å unnta reglane om litispensens i tvistelova frå å gjelde i jordskifteprosessen. Å velje tidspunktet for framsetjing av kravet, er rimeleg. Når kravet er sett fram for jordskifteretten, bør partane sleppe å vende seg til to domstolar om det same problemkomplekset samstundes. Ein vil òg unngå unødige kostnader.

Endringa i seg sjølv fører ikkje til krav om større presisjonsnivå i jordskiftekravet. Det er ønskeleg at krav om jordskiftesak er så presist at det ikkje blir tvil om kva som er litispensent, og kva som ikkje er det. Lovforslaget § 6-2 tredje ledd fjerde punktum, seier at kravet om mogleg skal visast på eit kart. Frå lovrevisjonen i 1998 har dette blitt meir vanleg enn tidlegare. Kart er kanskje den enklaste og beste måten å vise kva som skal behandlast.

Partane tek gjerne eit tema eller eit problem til jordskifteretten. Det detaljerte innhaldet i kravet treng ikkje vere så klart som det er i ei stemning for tingretten. Det kan vere uklart om kravet eigentleg gjeld jordskifte etter gjeldande jordskiftelov § 2, eller grensesak eller rettsutgreiing etter gjeldande jordskiftelov §§ 88 eller 88 a. Det kan òg vere uklart om jordskiftekravet medfører at jordskifteretten må løyse ein tvist etter gjeldande jordskiftelov § 17. Det kan følgjeleg vere uklart om tvistetemaet er litispensent, eller ikkje. Departementet meiner forslaget til endringar vil gjere spørsmålet om litispensens enklare.

Nokre jordskifterettar har hatt store restansar og lang ventetid. Dersom partar reiser sak for tingretten i tida frå jordskifteretten har motteke krav om jordskifte, til det blir teke opp til realitetsbehandling, må jordskiftesaka vente til saka er rettskraftig avgjort i dei alminnelege domstolane. Dette er òg ein grunn for endringa.

*Følgjer av at vedtaket om fremjing fell bort:  
Sakskostnader*

Bortfall av vedtaket om fremjing får òg følgjer for enkelte av paragrafane i lovforslaget kapittel 7 Sakskostnader og gebyr. Prinsippet om fordeling av sakskostnader etter nytte, skal etter lovforsla-

get gjelde frå saka er reist, og ikkje frå det er fatta vedtak om fremjing, sjå lovforslaget § 7-6 som inneheld hovudregelen om fordeling av sakskostnadene. Dersom saka blir trekt, skal rekvirenten betale sakskostnadene, sjå lovforslaget § 7-7.

## 12.6 Oppsummering av tilhøvet til tvistelova

Departementet foreslår å regulere tilhøvet til tvistelova i lovforslaget § 6-1. Regelen inneber at følgjande reglar i tvistelova anten ikkje gjeld, eller dei gjeld så langt dei høver, eller dei gjeld slik det er nærare fastsett gjennom særskilde tilvisingar i lova:

- Tvistelova kapittel 1. Lovens formål og anvendelse; gjeld ikkje.
- Tvistelova kapittel 2. Parter, prosessdyktighet og stedfortredere; gjeld.
- Tvistelova kapittel 3. Prosessfullmektiger rettslige medhjelpere; gjeld.
- Tvistelova kapittel 4. Saklig og stedlig domsmyndighet; gjeld ikkje.
- Tvistelova kapittel 5. Plikter før sak reises; gjeld ikkje.
- Tvistelova kapittel 6. Behandlingen i forliksrådet; gjeld ikkje.
- Tvistelova kapittel 7. Utenrettslig mekling; ikkje gjort gjeldande etter lovforslaget § 6-1, men gjeld likevel i den forstand at partane uansett vil ha anledning til utanrettsleg mekling òg i dei tvistesakene jordskifteretten har heimel til å behandle, for eksempel tvist om grenser. Det er tingretten som i tilfelle (og etter oppfordring frå partane) oppnemnar meklar.
- Tvistelova kapittel 8. Mekling og rettsmekling i de alminnelige domstoler; gjeld.
- Tvistelova kapittel 9. Allmennprosess; gjeld ikkje, med unntak for § 9-6 Uttalelser, innsigelser og avgjørelser om saksbehandlingen; første og andre ledd, og tredje ledd første og andre punktum, og fjerde ledd, § 9-10 Avsluttet saksforberedelse. Sluttinnlegg, § 9-13 Styringen av hovedforhandlingen, § 9-14 Muntlig hovedforhandling, § 9-15 De enkelte ledd i hovedforhandlingen, § 9-16 Endring i krav, påstand, påstandsgrunnlag og bevis og § 9-17 Saken tas opp til doms. Fortsatte forhandlinger,
- Tvistelova kapittel 10. Småkravprosess; gjeld ikkje, med unntak for § 10-5 første og andre ledd, som gjeld for sakskostnader.
- Tvistelova kapittel 11. Grunnlaget for rettens avgjørelser, veiledning og saksstyring; gjeld.

- Tvistelova kapittel 12. Prosesskriv; gjeld ikkje, med unntak for § 12-1 første til tredje ledd.
- Tvistelova kapittel 13 I. Rettsmøter; gjeld, med unntak av § 13-1 første og fjerde ledd og § 13-2. Kapittel 13 II Rettsbøker; gjeld.
- Tvistelova kapittel 14. Offentlighet og innsynsrett; gjeld.
- Tvistelova kapittel 15. Forening av krav og søksmål. Partshjelp; gjeld ikkje, med unntak av § 15-2 første ledd bokstav b og §§ 15-6 til 15-8.
- Tvistelova kapittel 16 I. Oppdeling; gjeld. Kapittel 16 II. Omberammelse og utsettelse; gjeld. Kapittel 16 III. Forsømmelser og fraværdsdom; gjeld. Kapittel 16 IV. Stansing; § 16-18 Stansing i andre tilfelle; gjeld. Resten av kapittel 16 IV; gjeld ikkje.
- Tvistelova kapittel 17. Verdifastsetting; gjeld. Kapitlet gjeld fastsetting av verdien av tvistegjenstanden og verdien i saker om formuesverdier, ikkje verdsettinga i eit skiftefelt.
- Tvistelova kapittel 18. Virkninger av søksmål; gjeld ikkje, med unntak av §§ 18-1 og 18-2.
- Tvistelova kapittel 19. Rettslege avgjerder og rettsforlik; gjeld, med unntak for § 19-4 når det gjeld jordskifteavgjerd undervegs i saka, jf. lovforslaget § 6-25 første ledd andre punktum.
- Tvisteloven kapittel 20. Sakskostnader; gjeld for avgjerd om sakskostnader i tvistar. I andre saker etter lovforslaget gjeld reglane i kapittel 7 for fordeling av sakskostnadene.
- Tvistelova kapittel 21 til 28 (del fem i tvistelova om bevis); alle kapitla gjeld.
- Tvistelova kapittel 29. Anke til lagmannsrett; gjeld i tillegg til, og slik det går fram av, kapittel 8 i lovforslaget.
- Tvistelova kapittel 30. Anke til Høyesterett; gjeld.
- Tvistelova kapittel 31. Gjenåpning; gjeld.
- Tvistelova kapittel 32 til 34 (del sju i tvistelova, om midlertidig sikring); gjeld ikkje.
- Tvistelova kapittel 35 og 36 (del åtte i tvistelova, om særlige prosessformer); gjeld ikkje.
- Tvistelova kapittel 37. Ikraftsetting og endringar i andre lover; gjeld ikkje.

### **12.7 Saksbehandlinga i skjønnsaker og andre avgjerder etter andre lover, og i ankebehandlinga**

Kapitla 5 og 8 i lovforslaget inneheld enkelte reglar om saksbehandlinga av skjønn og andre avgjerder, og anke. Desse reglane om saksbehandling blir det gjort greie for i kapittel 11 og 14.

## 13 Sakskostnader og kostnader til sakkunnig hjelp med meir

### 13.1 Innleiing

#### 13.1.1 Innhaldet i kapitlet

Med sakskostnader meinast her variable kostnader knytt til behandling av sak for jordskifteretten som til vanleg fell på partane. Typiske eksempel er gebyr til staten, kostnader til meddommarar og kostnader til sakkunnig hjelp – oftast advokat. I dette kapitlet drøftast føresegnene om betaling av desse kostnadene.

Kapitlet inneheld òg forslag til føresegner om kven som skal betale kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp.

I dette kapitlet finnast òg forslag til føresegner om kven som skal betale kostnader ved skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett. Ved skjønn og andre avgjerder etter andre lover som eiga sak, gjeld skjønnsprosesslova for kostnadene.

Endeleg inneheld kapitlet føresegner om kven som skal betale kostnader ved anke over jordskifteavgjerd. Anke over skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett fell inn under anke over jordskifteavgjerd. Ved anke over andre avgjerder enn jordskifteavgjerd i saker etter kapittel 3 og 4, gjeld tvistelova kapittel 20.

Kostnader med investeringar etter lovforslaget § 3-9 er ikkje tema i dette kapitlet.

#### 13.1.2 Prinsippa bak føresegnene om kostnader

Prinsippa bak føresegnene om sakskostnader er ikkje endra i dette lovforslaget. Eit av måla for dette lovarbeidet er å harmonisere lovreglane for behandling av likearta saker for jordskifteretten og tingretten. Det gjeld òg for reglane om betaling av kostnader med sak. Der det ikkje er grunnlag for å gi like reglar for heile saker, har departementet prøvd å få til like reglar for delar av saker etter lovforslaget kapittel 3 og 4.

Staten skal framleis betale dei faste kostnadene med drift av jordskiftedomstolen. Det sikrar at domstolen er økonomisk uavhengig av partane.

Her er det ingen forskjell mellom jordskiftedomstolen og dei alminnelege domstolane.

Partane skal betale dei variable kostnadene med saka. Kostnader til advokat eller anna partstilknytt sakkunnig hjelp, gebyr, godtgjering til meddommarar, godtgjering til rettsoppnemnde sakkunnige og grensemerke som retten set ned, er eksempel på variable kostnader. Dette er òg same prinsipielle løysing som i dei alminnelege domstolane.

Det er viktig at kostnadene som fell på partane, blir balanserte i høve til rettstryggleiken. Kostnadene bør heller ikkje vere så store at dei fører til mindre bruk av sak for jordskifterett enn det samfunnet er tent med. Dette er dei same prinsipielle vurderingane som i dei alminnelege domstolane.

Storleiken på gebyra er fastsett ut frå to forskjellige motiv. Det eine motivet er at gebyra skal bidra til at partane ikkje skal bruke jordskifteretten i utrengsmål fordi han kostar lite. Inngangsgebyret er meint å ha ein slik verknad. Dette motivet er elles vurdert i høve til mange føresegner i dette kapitlet.

Det andre motivet er at kostnadene med merking og koordinatfesting av grensene i saka ikkje skal avvike nemnande frå alternativet som er eigedomsdanning etter matrikkellova. Grenselengdegebyret skal førebyggje slik «konkurranssevriding». Dei alminnelege domstolane gjer ikkje slikt grensearbeid.

Ei anna føring er at når ein tvist kan behandlast både i jordskifterett og i tingrett, så bør ikkje forskjellar i kostnadsreglane påverke val av domstol.

For det som berre kan avgjerast i jordskifteretten, står ein friare til å velje kostnadsreglar. Prinsippet for kostnadsansvaret i tvisteløysing høver ikkje så godt i andre avgjerder jordskifteretten tek. Dom i tvist gir ein vinnar og ein tapar. Slik er det ikkje ved dei andre avgjerdene som jordskifteretten kan ta. Avgjerdene vil vere meir eller mindre gode for den enkelte part. I samsvar med dette er hovudregelen at sakskostnadene skal delast mellom partane etter nytten dei får.

Ut over dette gjeld prinsippet om at den som har valda ekstraordinære kostnader, skal betale

desse kostnadene. Det skal òg framleis vere slik at ved tiltaksjordskifte, vernejordskifte og andre saker som er forårsaka av offentlege omsyn, skal utgangspunktet vere at tiltakshavar betaler saks-kostnadene i første instans. Dette er same prinsipielle løysing som for dei alminnelege domstolane.

Endeleg er det eit mål at partane framleis skal kunne klare seg utan profesjonell rettshjelp i sak for jordskifterett. I samsvar med dette reknast ikkje kostnadene med slik hjelp med i nyttevurderinga i sak etter kapittel 3. Med dei unntaka som er positivt bestemte, må den enkelte parten betale denne hjelpa sjølv.

Målet om å harmonisere lovreglane for behandling av likearta saker gjeld òg for regalane om kostnader knytt til bruk av rettsmiddel mot avgjerder i jordskifteretten.

### 13.1.3 Strukturen i kapitlet

Departementet meiner det er noko å vinne ved å endre oppbygginga av kapitlet i høve til høyringsforslaget. Departementet meiner det er fordelaktig å bruke inndeling i romartal. Kapitlet er delt i seks delar.

Del I inneheld paragrafen som omhandlar kva som fell inn under omgrepet saks-kostnader for jordskifteretten. Det er forskjellig frå innhaldet i omgrepet i dei alminnelege domstolane. Forskjellen er knytt til reglane om vederlag for sakkunnig hjelp. I sak for jordskifteretten fell vederlag for sakkunnig hjelp ikkje inn under omgrepet saks-kostnader. I sak for dei alminneleg domstolane er dette vederlaget ein del av saks-kostnadene.

I del II finn ein gebyrreglane. I høyringsforslaget var desse reglane samla i ein paragraf med 10 ledd. Departementet meiner det er betre å ha ein paragraf for kvart gebyr. Da blir det lettare for partane å få oversikt over gebyrreglane.

Del III inneheld reglane om kven som skal betale saks-kostnadene.

I del IV finn ein føresegnene om kven som skal betale kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp.

Del V inneheld dei nødvendige særreglane for anke over jordskifteavgjerd og for gjenopning.

I del VI finn ein føresegner som det ikkje høver å plassere i dei andre romartala. Dette er reglar om forskott, betalingsfrist, erstatningsansvaret staten har, og panterett for pålagt kostnad eller yting.

## 13.2 Saks-kostnader

### 13.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare hovudinnhaldet i reglane om kva partane skal betale.

Etter høyringsforslaget § 7-1 første ledd skal partane betale gebyr, kostnader til meddommarar, kostnader til grensemerke og målehjelp og godtgjering til vitne og sakkunnige oppnemnt av retten. Etter andre ledd skal offentlig styresmakt som krev tiltaks- eller vernejordskifte, betale side-utgifter.

Arbeidsgruppa foreslår at dersom jordskifteretten innhenter utskrifter eller kopier av tinglyste dokument eller dokument frå statsarkivet på vegner av partane, så skal kostnadene med dette falle på partane.

Arbeidsgruppa foreslår ei endring for kostnader til leige av lokale for rettsmøte. Etter gjeldande jordskiftelov § 74 niande ledd fell desse kostnadene på partane dersom kommunen ikkje held møtelokale, eller betaler for det. Arbeidsgruppa foreslår at staten skal dekkje kostnader med leige av rettsmøtelokale, dersom kommunen ikkje gjer det.

Høyringsforslaget § 7-2 førte elles vidare ei presisering av at partane ikkje skal betale for fast kontorhald, porto, elektronisk kommunikasjon og løn, skyss- og kost pengar til personale til jordskifteretten.

Arbeidsgruppa foreslår at storleiken på rettsgebyret skal følgje rettsgebyrlova § 1 andre ledd. Arbeidsgruppa foreslår òg at rettsgebyrlova § 27 om gebyrfrie avskrifter, utskrifter og kopiar skal gjelde for jordskifteretten. Begge forslaga er i samsvar med gjeldande jordskiftelov.

### 13.2.2 Høyringsinstansane

Ingen har innvendingar til at jordskifteretten skal ta inn gebyr til staten, og få dekt kostnadene til meddommarar, grensemerke, målehjelp og rettsoppnemnde vitne og sakkunnige.

Når det gjeld kostnader til rettsmøtelokale, meiner *Domstoladministrasjonen* (DA) og jordskifteoverrettane at det ikkje bør vere forskjell mellom jordskifterettane og tingrettane. DA skriv mellom anna:

«Selv om det ofte forekommer at kommuner dekker slike utgifter ved leie av kommunale lokaler, skjer det like ofte at slike krav avvises av kommuner under henvisning til at dl. § 25 ikke gjelder for jordskifterettene. For at dette

skal bli tilstrekkelig avklart ber en departementet vurdere å endre enten dl. § 25 eller gjøre et tillegg i lovutkastets § 7-3 siste ledd.»

Ingen høyringsinstansar som uttaler seg om det, meiner det er nødvendig å lovfeste kva jordskifteretten ikkje skal ta seg betalt for.

Ingen høyringsinstansar ytrar seg om forslaget om å føre vidare reglane om storleiken på rettsgebyret og om gebyrfrie avskrifter, utskrifter og kopiar.

### 13.2.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at i sak etter lovforslaget kapittel 3 og 4 skal partane framleis betale gebyr, godtgjering til jordskiftedemdommarar, for grensmerke, godtgjering til ekstrahjelp til verdsetjing og måling og merking av grenser. Dei skal òg betale godtgjering til rettstolkar og sakkunnige oppnemnd av retten, og betale for utskrifter eller kopier av tinglyste dokument eller dokument frå statsarkivet som jordskifteretten hentar inn på vegner av partane.

Departementet foreslår òg at reglane om sideutgifter i tiltaks- og vernejordskifte og i grensesak for offentleg regulering av eigarrådvelde, blir vidareført. Desse reglane kom inn i jordskiftelova ved lovendringar i 1998 og i 2001, jf. Ot.prp. nr. 5 (1998–99) og Ot.prp. nr. 76 (2000–2001). Bakgrunnen for innføringa av reglane, var å tilføre dei jordskifterettane som får slike saker til behandling ekstra ressursar slik at tiltaks- og vernesakene ikkje skulle gå ut over arbeidet med dei andre sakene.

Etter rettsgebyrlova § 2 andre ledd er sideutgifter kostnader til meddommarar, skjønnsmedlemmer, sakkunnige, vitne, oversetjingar, særlege undersøkingar og «andre sideutgifter». I saker etter jordskiftelova vil det meste av det rettsgebyrlova kallar sideutgifter vere regulert direkte i lovforslaget § 7-1 første ledd bokstav a til f. Når det likevel i bokstav g er teke med ei tilvising til sideutgifter, siktar ein her først og fremst til den forståinga av sideutgiftsombegrepet som går fram av Ot.prp. nr. 5 (1998–99). Her står det i kapittel 4, i tredje avsnitt under departementet sine vurderingar, ei slik omtale av sideutgiftsordninga i desse spesifikke sakstypene:

«Ordningen gjelder dekning av nødvendige utgifter det offentlige pådras når et rettergangsskritt utføres. Departementet mener at de samme prinsipper kan overføres til utbyggings- og vernejordskiftene. Rekvirenten, i

alminnelighet det offentlige, utløser en situasjon som kan medføre en ekstraordinær situasjon hos vedkommende jordskifterett. Det må som følge av dette engasjeres ekstrahjelp for å foreta de nødvendige undersøkelser, registreringer m.v. for jordskifteretten.»

I sjette avsnitt i samme kapittel står det:

«Departementet legger til grunn at sideutgiftene til ekstrahjelp uavkortet skal brukes til lønn og utgifter som den engasjerte pådrar jordskifteretten.»

Eksempel på slike sideutgifter i tiltaks- og vernejordskifte og i grensesak for offentleg regulering av eigarrådvelde, er løns- og driftsutgifter til ekstrahjelp som er nødvendig for å få utført det tekniske arbeidet innan rimeleg tid. I driftsutgifter ligg mellom anna reise-, diett- og opphaldsutgifter.

I enkelte saker vil det på grunn av omfanget av markarbeidet eller på grunn av terrengtilhøva kunne vere føremålstenleg å nytte helikoptertransport. Bruk av helikopter vil redusere arbeidstida monaleg. I slike høve bør det i kvar enkelt sak avtalast med rekvirenten på førehand om kostnadane skal reknast inn i sideutgiftene, eller om fakturering av slike kostnader skal skje direkte til rekvirenten.

Administrasjonsutgifter i samband med tilsetjing av ekstrahjelp må òg kunne dekkast av sideutgifter. Det same gjeld vesentleg utgifter i samband med administrering av saka, som for eksempel portoutgifter.

Utstyr som inngår i den normale tekniske infrastrukturen til den enkelte jordskifterett, og som har ledig kapasitet òg til arbeidet desse sakene fører til, vil til vanleg falle utanfor omgrepet sideutgifter. Men dersom slikt nødvendig teknisk utstyr ikkje er tilgjengeleg, kan òg dette reknast som sideutgifter. Dette bør avklarast med vernemyndigheita på førehand.

Sideutgifter i samband med tiltaks- og vernejordskifte og i grensesak for offentleg regulering av eigarrådvelde, skal etter lovforslaget § 7-6 andre og tredje ledd dekkjast av tiltakshavar eller vernemyndigheita. Dette fører vidare reglane i gjeldande jordskiftelov.

Innkrevjing av sideutgifter i utbyggings- og vernejordskifte og i grensesak for offentleg regulering av eigarrådvelde, kan medføre at jordskifteretten i den enkelte saka må vurdere bruk av unnaksregelen om gebyrfastsetjing i lovforslaget § 7-5.

Elles viser bokstav g til sideutgifter, slik at det òg for dei vanlege sakene som går for ein jordskifterett, er klart at reglane om sideutgifter gjeld så langt dei høver.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-1 første ledd.

Departementet foreslår at reglane for betaling av rettsmøtelokale for domstolar skal vere like. Departementet er samd med Domstoladministrasjonen og jordskiftoverrettane i at det skal vere slik. Departementet meiner det er best å samle reglane om plikta stat og kommune har til å betale for rettsmøtelokale for domstolane i § 25 i domstollova. Plikta skal òg gjelde for rettsmøtelokale etter domstollova § 25 fjerde ledd, det vil seie når jordskifteretten set rettsmøte der det ikkje er eit fast lokale for rettsmøte. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 9-7 endringar i andre lover nr. 1 domstollova § 25 nytt femte ledd.

Departementet er samd i at det berre er nødvendig å lovfeste kva partane skal betale.

Eit strukturerande grep i dette lovforslaget er skiljet mellom skjønn og andre avgjerder som eiga sak for jordskifterett, og skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett. Skjønn og andre avgjerder etter andre lover som eiga sak for jordskifterett skal gå etter skjønnsprosesslova. Det gjeld òg for saks-kostnadene. Derfor er det ikkje nokon eigen paragraf om kostnadene ved slike skjønn og andre avgjerder etter andre lover. Departementet legg til grunn at lovforslaget § 6-1 tredje ledd òg gjeld for saks-kostnadene ved skjønn og andre avgjerder etter andre lover som eiga sak. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov §§ 6 b og 74 andre ledd. Det er same regel som for dei alminnelege domstolane.

For skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med jordskifte, er den gjennomgåande løysinga at reglane i lova her skal gjelde. Departementet foreslår likevel at reglane om saks-kostnader framleis skal vere like for skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett, og for skjønn og andre avgjerder etter andre lover som eiga sak. Dette fører vidare kostnadsprinsippet som er nedfelt i gjeldande jordskiftelov § 74 andre ledd. Skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett vil til vanleg behandlast på ein slik måte at det er greitt å identifisere dei saks-kostnadene som er knytt til skjønnet eller avgjerda. Dersom reglane om kostnader blir forskjellige, kan det føre til kostnadsregelbasert tilpassing av kva for skjønn og andre avgjerder etter andre lover som jordskifteretten i framtida vil

kunne få. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-1 andre ledd.

Departementet meiner at det er ein fordel om rettsgebyrlova gjeld for saker for jordskifteretten «slik det går fram av lova her, eller så langt ho høver», jf. lovforslaget § 7-1 tredje ledd. Mellom anna gjer det at lovforslaget ikkje treng å innehalde eigne reglar om storleiken på rettsgebyret og om gebyrfrie avskrifter, utskrifter og kopiar. I det heile er det ei meir fleksibel løysing i høve til framtidige endringar enn ei lovpositivt avgrensa tilvising til rettsgebyrlova.

## 13.3 Gebyr

### 13.3.1 Inngangsgebyr

#### 13.3.1.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at inngangsgebyret for jordskifte, grensesak og sak om rettsutgreiing skal vere uendra og utgjere fem gonger rettsgebyret. Arbeidsgruppa presiserer at rekvirenten skal forskottere inngangsgebyret.

For skjønn og andre avgjerder etter andre lover er det ikkje noko inngangsgebyr.

#### 13.3.1.2 Høyringsinstansane

Ingen har merknader til realiteten i forslaget. *Domstoladministrasjonen* meiner det er betre å skrive sak etter høyringsforslaget kapittel 3 og §§ 4-1 og 4-2 enn å bruke namna på sakstypene. Fleire av høyringsuttalane frå jordskiftedomstolane viser til at det er ein fordel å bruke namna på sakstypene.

#### 13.3.1.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at inngangsgebyret framleis skal vere fem gonger rettsgebyret. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 74 første ledd første punktum.

Departementet viser til at inngangsgebyret i sak for tingrett er fem gonger rettsgebyret. Departementet kan ikkje sjå at det er grunn til å ha forskjell på nivået på inngangsgebyret for tingretten og for jordskifteretten.

Departementet viser òg til at rekvirenten må betale gebyr for saker for tingretten, jf. rettsgebyrlova § 2.

Departementet er samd med Domstoladministrasjonen i at det er greitt å vise til kva for kapittel i lovforslaget føresegna gjeld for. Departementet meiner at lova blir unødig lang dersom ein skal



gjenta namnet på alle sakstypar kvar gong det er aktuelt. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-2 første ledd første punktum.

Departementet foreslår at ein part som set fram krav om utviding av ei sak etter at jordskifteretten etter lovforslaget § 6-9 har avgrensa saka, skal betale inngangsgebyr som for ny sak. Forslaget er nytt. Departementet meiner at eit så seint framsett krav om utviding har meir til felles med eit sjølvstendig krav om sak, enn med noko anna. Etter lovforslaget § 6-9 andre ledd andre punktum er utgangspunktet at krav om utviding som kjem så seint, skal avvisast. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-2 første ledd andre punktum.

Departementet foreslår at inngangsgebyret framleis skal bli redusert til to gonger rettsgebyret dersom krav om sak etter lovforslaget kapittel 3 eller 4 trekkjast før det er ført inn i rettsboka at behandlinga av eit jordskifte har begynt. Det same gjeld om jordskifteretten avviser. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 74 sjuande ledd. Dersom saka blir avvist, er det fordi det er openberre manglar ved kravet. Da krev ikkje avvisinga mykje arbeid av jordskifteretten.

Departementet viser til at gebyret i sak for tingrett er to gonger rettsgebyret dersom saka blir avvist.

Departementet kan ikkje sjå at det er grunn til å ha forskjell på nivået på dette gebyret for tingrett og for jordskifterett. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-2 andre ledd.

### 13.3.2 Grenselengdegebyr

#### 13.3.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare grenselengdegebyret på to gonger rettsgebyret for kvar påbegynt 500 meter nymerka grense.

#### 13.3.2.2 Høyringsinstansane

Ingen høyringsinstansar går mot ordninga med grenselengdegebyr.

Det er delte meiningar om nivået på dette gebyret. Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme meiner grenselengdegebyret er for høgt.

Det er fleire høyringsinstansar som uttaler seg om gebyr og arbeidsdelinga mellom kommunen som lokal matrikkelmyndigheit, og jordskifteretten. Sjølv om desse utsegnene gjeld dei samla gebyra, vel departementet å behandle dei i tilknytning til grenselengdegebyret.

*Justisdepartementet* viser til Finansdepartementets retningsliner for gebyr- og avgiftsfinansiering av statlege myndighetshandlingar. Utgangspunktet er at gebyra skal dekkje kostnadene med myndighetshandlinga.

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* meiner at det ikkje må bli slik at gebyrkostnadene ved bruk av jordskifteretten blir vesentleg lågare enn satsane kommunane har for oppmålingsforretning. Desse jordskiftedommarane meiner det ikkje er oppgåva til ein domstol å setje ut grensemerke og koordinatfeste dei der grensa er klar og ikkje omtvista.

*Norges Jordskifte kandidatforening* argumenterar med at kostnadene med grensefastsetjing for jordskifterett bør vere slik at kommunen som lokal matrikkelmyndigheit til vanleg får oppgåvene med å merkje og måle grenser som er uklare. Jordskifteretten bør få arbeidet med dei grensene der det er tvist.

#### 13.3.2.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at det framleis skal betalast grenselengdegebyr, sjå gjeldande jordskiftelov § 74 første ledd andre punktum og lovforslaget § 7-3. Departementet foreslår òg at departementet skal fastsetje storleiken på gebyra ved forskrift.

Departementet konstaterar at det er brei semje om at partane framleis skal betale grenselengdegebyr.

Det er eit mål at kostnadene med grensemerking og koordinatfesting av grensene ikkje skal vere avgjerande for om partane går til jordskifteretten eller til matrikkelmyndigheita i dei tilfella begge instansar er aktuelle. Departementet meiner at grenselengdegebyret er eit viktig element for å sikre at det ikkje skal oppstå uønska konkurransevriding mellom kommunen som lokal matrikkelmyndigheit, og jordskifteretten. Det er likevel dei samla kostnadene og det samla produktet ved dei to framgangsmåtane som er avgjerande. Departementet meiner at det ikkje er aktuelt å setje grenselengdegebyret så høgt at det fører til at grensefastsetjing for jordskifterett ikkje blir eit reelt alternativ samanlikna med kommunen. Det vil kunne vere i strid med Finansdepartementets retningsliner om prising av statlege myndighetshandlingar.

Matrikkellova førte ikkje med seg noka endring i oppgåvene til jordskifteretten med grenser.

Eit anna mål er at gebyrreglane er enkle og forståelege. Derfor er det like reglar for rettsendrering og rettsfastsetjande saker. Det er heller ikkje skilt mellom grenser som er fastsett ved

dom eller rettsforlik, og grenser som er fastsett utan slikt konfliktnivå.

Da grenselengdegebyret blei innført, hadde jordskifteretten berre plikt til å merkje nye grenser, jf. gjeldande jordskiftelov § 58 andre ledd. Jordskifteretten hadde ikkje plikt til å koordinatfeste grensemerka. I dag følgjer det av Håndbok for teknisk arbeid i jordskifteverket av mars 1999 at hovudregelen er at nye grensemerke i ende- punkt og knekkpunkt i grensa skal koordinatfestast. Dette gjeld likevel ikkje når grensa følgjer vatn og vassdrag. I praksis er det no slik at grenselengdegebyret skal fastsetjast ut frå lengda på grenser som er koordinatfesta.

Departementet meiner at den beste måten å følgje opp desse måla på, er å gi forskriftsfullmakt til departementet for utforming av dei konkrete reglane om grenselengdegebyr. Når måla for grenselengdegebyret er nedfelt i denne lovproposisjonen, vil dei vere førande for forskrifta. Samtidig er det noko enklare å endre ei forskrift enn ei lov. Dermed meiner departementet at ein her har funne fram til ei løysing som både tek vare på måla og legg til rette for ei effektiv og tidsmessig tilpassing av grenselengdegebyret. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-3.

### 13.3.3 Partsgebyr

#### 13.3.3.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å erstatte partsgebyret med rettsmøtegebyr. Forslaget blir grunnlagt med at det er eit harmoniseringsiltak i høve til det som gjeld for dei alminnelege domstolane. Det er ikkje tilsikta at det skal ha nemnande innverknad på dei samla gebyra.

#### 13.3.3.2 Høyringsinstansane

Høyringsinstansane brukar mykje plass til å kommentere dette forslaget. *Domstoladministrasjonen* (DA) har gjennomført ei undersøking for avslutta saker i 2008. Undersøkinga viser at høyringsforslaget vil føre til ein nedgang i totalgebyr til staten på 31 %.

*Justisdepartementet, DA, jordskifterettane i Agder og Hålogaland jordskiftedommer, jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme og Sør-Trøndelag jordskifterett* går inn for å føre vidare ordninga med partsgebyr i gjeldande jordskiftelov. *Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme og Statens Kartverk* stør forslaget om rettsmøtegebyr. Nokre av dei andre høyringsuttalane frå jordskiftesida fell i ein slags

mellomposisjon ved at dei kjem med forslag til modifisering av høyringsforslaget utan å vere klare i prinsippsspørsmålet.

Dei som går mot rettsmøtegebyr, kjem med fleire argument. Gebyr knytt til tal rettsmøtedagar vil i seg sjølv oppmuntre til få og korte rettsmøte. Det er uheldig for sjølvprosederande partar som er tente med munnlege forhandlingar i rettsmøte. I jordskifte vil det dessutan ofte vere eit gode at forslag til jordskifteløysing kan drøftast i fleire rettsmøte. På den måten kan partane få tid til å venne seg til det faktum at saka vil føre til ny eigedomsutforming, og til korleis hovudtrekka i utforminga av eigedom vil bli. Dersom eit «ekstra» rettsmøte fører til ei så samlande jordskifteløysing at partane avstår frå å bruke rettsmiddel, kan det i seg sjølv vere kostnadssparande både for partane og domstolane.

Det blir òg hevda at når dei samla gebyra berre utgjør om lag 10 % av løyvinga til jordskifterettane, så er ikkje kostnadene med gebyra så store at det er behov for å redusere dei.

Det blir òg peika på at ressursane som blir brukt på jordskiftesaker, heng betre saman med tal partar, enn med tal rettsmøtedagar. Jordskifterettane i Hålogaland skriv mellom anna:

«Lange avstander medfører at vi har en grundig skriftlig saksforberedelse. (...) I tillegg foretar ingeniørene i mange saker utstrakt meklingsarbeid utenom rettsmøtene. Dette er gode og rasjonelle arbeidsrutiner som ikke «honoreres» etter forslaget.»

DA skriv om det same:

«En av innvendingene mot partsgebyret og argument for innføring av rettsmøtegebyr, er at det samlede partsgebyret blir betydelig i saker med mange parter. I noen bruksordningssaker kan det være et tresifret antall parter. Bruksordningssaker med så mange parter krever store administrative ressurser i forhold til logistikk av parter, håndtering av store mengder dokumenter, rettsbokskriving, og ikke minst portokostnader.»

DA kjem elles med mange argument for å bruke partsgebyr. Sitatet her er rimeleg representativt:

«Partsgebyr er en særordning som kun omfatter jordskiftedomstolene. Dette gebyret ble, sammen med en rekke andre gebyr, innført ved lovendring i 1983 etter et eget forslag fra LD (nå LMD), jf. Ot. prop. 38 (1982–83). Parts-

gebyret ble betegnet som tilleggsgеbyr i likhet med grensemerkegebyret. Formålet med endringa var å få en gebyrordning i samsvar med det som gjelder ved de alminnelige domstoler og å skaffe inntekter som dekker en del av kostnadene med jordskiftesakene. I tillegg fremholdes det at gebyr vil medføre at de minst viktige sakene ikke blir krevd (terskel for å fremme sak). Av nevnte Ot. prop. kan man ikke se at det er gitt særskilt begrunnelse for nettopp innføring av partsgebyr. Det er imidlertid nærliggende å anta at partsgebyret ble innført fordi jordskiftesakene kjennetegnes med et høyere antall parter pr. sak sammenlignet med partsforholdet for de aller fleste saker som føres for de alminnelige domstoler.

Uavhengig av det inntektsmessige bortfallet ved en endring, mener DA det er gode grunner som taler for å opprettholde dagens partsgebyr.

Jordskiftesakene kjennetegnes med mange selvprosederende parter og utstrakt bruk av muntlige forhandlinger. Disse forholdene tilsier også at det ofte kan være nødvendig å avholde flere rettsmøter enn i saker hvor partene nesten uten unntak er representert ved en profesjonell aktør – advokat. DA vil for øvrig fremholde at partsgebyret i motsetning til rettsmøtegebyr gir betre forutsigbarhet i kostnadene for parter som er involvert i en sak for jordskiftedomstolen.

Norge er et vidstrakt land og i mange sokn kan reiseavstandene være betydelige. Dette vil òg påvirke hvordan retten forbereder den enkelte sak. Som man ser av gebyrundersøkelsen, vil et eventuelt rettsmøtegebyr ha store variasjoner fra sokn til sokn. I mange saker vil retten kunne forberede saken med et saksforberedende møte og deretter en hovedforhandling. Slike saker vil ikke utløse rettsmøtegebyr, kun et inngangsgebyr. Det er grunn til å stille spørsmålstejn ved om dette gir et riktig bilde av rettens arbeid med saken i forhold til hva det skal koste partene. Hvilken terskel vil det foreligge for å fremme sak i slike tilfeller?

Statistikk viser at i saker for jordskifteretten, i motsetning til de alminnelige domstolene, er det kun 1/3 av sakene at en av part er representert ved advokat eller godkjent rettsmedhjelper. DA vil fremholde at det heller er utgifter til sakkyndig bistand enn partsgebyr som eventuelt vil skape store utgifter for en part i en jordskiftesak.

Gebyrreglene i jordskifteloven er skreddersydd for jordskiftedomstolens oppgaver.

Eksempler på dette er grenselengdegebyret samt bestemmelsen om at jordskiftekostnader, herunder gebyrer, skal fordeles mellom partene etter nytteprinsippet. Begge disse ordningene videreføres i lovforslaget.»

Dei som går inn for rettsmøtegebyr, kjem òg med fleire argument. Eit argument er at dei samla gebyrkostnadene blir urimeleg høge i saker med mange partar på grunn av partsgebyret. Sjølv om det kan vere eit stort tal partar, kan saka løysast på to til tre rettsmøte. I slike samanhenger er det òg vanskeleg å gi gode anslag over kva gebyrkostnadene vil bli fordi unntaksregelen kan brukast. Dermed kan moglege rekvirentar av saker avstå frå å krevje sak på grunn av usikkerheit omkring gebyrkostnadene.

Det blir òg peika på at ei sak i utgangspunktet må koste det same uansett kor mange partar det er. Noko anna kan vere i strid med EMK artikkel 6 nr. 1. Derfor er det rett å gå bort frå partsgebyr.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* foreslår at om fleire partar har same syn på saka og let seg representere av ein person med fullmakt, kan jordskifteretten redusere partsgebyra deira.

Desse jordskifterettane meiner det avgjerande er at dei totale gebyra for den enkelte part ikkje blir så høge at det går ut over rettstryggleiken.

### 13.3.3.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at det framleis skal vere partsgebyr, sjå gjeldande jordskiftelov § 74 første ledd første punktum og lovforslaget § 7-4. Departementet foreslår å auke partsgebyret frå 1,8 til 2 gonger rettsgebyret for kvar part. Aukinga utgjør om lag 11 %. Med om lag 10 000 partar i dei sakene som kvart år blir avslutta, vil det utgjere ein årleg inntektsauke på om lag 1,7 millionar kroner rekna etter gjeldande storleik på rettsgebyret (860 kr). Forslaget om auke er knytt til meirkostnadene som følgjer av lovforslaget § 6-22 fjerde ledd om forkynning av forslag til fastsetting av grenser, rettar og anna.

Gebyrundersøkinga som Domstoladministrasjonen (DA) har gjennomført, viser at forslaget til arbeidsgruppa vil føre til klar reduksjon i gebyrinntektene og til lite ønskjelege distriktsmessige følgjer. Departementet viser òg til at fleire høringsinstansar går inn for å behalde gjeldande ordning.

Det er rett at partsgebyret i utgangspunktet vil bli høgt i saker med mange partar. Departementet er samd med DA i at nokre kostnader er noko i nærleiken av proporsjonale med talet på partar.

Eksempel på dette er forkynning av innkalling og av resultat i saka. Ikkje reint lite av det som elles går på logistikken knytt til partane, vil òg samvari-ere nokså godt med tal partar.

Departementet viser til unntaksregelen i lovforslaget § 7-5. Regelen samsvarer med retningslinene frå Finansdepartementet om prising av statleg myndighetshandlingar. Departementet viser òg til at jordskifteløysinga ikkje skal føre til at kostnadene eller ulempene blir større enn nytten nokon eigedom eller bruksrett, jf. lovforslaget § 3-18. Dermed er er det lovfesta eit vern mot å bli dregen inn i eit jordskifte der gebyra vil føre til tap. Ut frå unntaksregelen i lovforslaget § 7-5 og regelen i lovforslaget § 3-18, kan departementet heller ikkje sjå at det er grunn til å frykte at partsgebyret skal vere i strid med EMK.

Departementet meiner at forslaget frå jordskifterettane i Agder jordskiftedømme om å redusere partsgebyra for partar som slår seg saman og opptrer som ein part, er eit moment som bør vege tungt når det gjeld å bruke unntaksregelen i lovforslaget § 7-5. Departementet kan elles ikkje sjå at det er nokon automatikk i at alle partar skal bere sine «eigne» partsgebyr. Tvert om er det slik at partsgebyret er ein del av dei samla gebyrkostnadane som skal delast etter reglane om deling av kostnader, sjå lovforslaget §§ 7-6 og 7-7. Departementet har ikkje innarbeidd ein slik reduksjonsregel for partsgebyret som jordskifterettane i Agder jordskiftedømme gjer framlegg om.

Departementet ser at det kan oppstå tvil om partsomgrepet når eigeforma er sameige. Er det da kvar sameigar som er part, eller er det heile sameiget som er ein part? Departementet meiner at dette – som etter gjeldande jordskiftelov – må avgjerast konkret i den enkelte sak. I eit jordskifte som går på oppdeling av eit sameige, er det kvar sameigar eller kvar gruppe av sameigarar som er part. I ei grensesak med eit sameige på eine sida, og eit eineige på andre sida, vil det oftast vere rett å sjå på sameiget som ein part. I slike saker vil sameigarane ofte ha samanfallande interesse av utfallet av saka. Da ligg det til rette for at sameiget kan representerast av ein person. Om det ikkje skjer, gir unntaksregelen i lovforslaget § 7-5 rom for å endre dei samla gebyra slik at dei speglar arbeidet og kostnadene jordskifteretten har med partskonstellasjonen i sameiget.

Departementet har elles merka seg at dei samla gebyrinntektene i 2008 kan tyde på at det ikkje reint sjeldan er slik at unntaksregelen i gjeldande jordskiftelov blir brukt til å setje ned dei samla gebyra. Departementet bruker 2008 fordi Domstoladministrasjonen har framskaffe tal for

det året i ei eiga undersøking. I 2008 var dei samla gebyrinntektene på 16,2 millionar kroner. Etter tala i statistikken for same år, skulle gebyrinntektene for jordskifterettane ha vore:

Inngangsgebyr frå 1047 saker:	3,9 mill. kroner
Grenselengdegebyr frå 1987 km grense:	6,0 mill. kroner
Partsgebyr frå 9000 partar:	12,2 mill. kroner
Sum	22,1 mill. kroner

Noko av differansen mellom 16,2 og 22,1 millionar kroner kjem av at grenselengdegebyr og partsgebyr blir betalt etter reglane slik dei var da saka blei kravd.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-4.

### 13.3.4 Samla gebyr og arbeidstid

#### 13.3.4.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare nesten ordrett føresegna i gjeldande jordskiftelov § 74 åttande ledd om at jordskifteretten kan endre dei samla gebyra slik at dei harmonerer med det faktiske forbruket av arbeidstid i saka.

#### 13.3.4.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* uttaler:

«I Finansdepartementets retningslinjer for gebyr- og avgiftsfinansiering av statlige myndighetshandlingar, R-112/2006, er det forutsatt at gebyrer for statlige myndighetshandlingar normalt skal settes til kostnadene ved å produsere myndighetshandlingen. Ved innretningen av gebyrordning i jordskiftesaker bør det, i tråd med retningslinjene, sees hen til hvilken ordning som best tilpasser størrelsen på gebyret i den enkelte sak til statens kostnader ved saken. Dette innebærer likevel ikke at gebyrordningen skal fullfinansiere jordskifterettene, fordi dette ville gi gebyrer som var så høye at de ville innebære en urimelig skranke for borgernes tilgang til jordskifterettene.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* meiner ordninga med partsgebyr kombinert med unntaksregelen om reduksjon av dei samla gebyrkostnadene, har fungert godt. Derfor bør denne ordninga oppretthaldast.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* meiner at praktiseringa av denne føresegna kan bli meir lik mellom jordskifterettane.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* hevdar at det ikkje er bra i høve til det rettsøkjande publikum å ha ein regel om partsgebyr som er urimeleg, slik at ein ved avslutninga av saka må bruke unntaksregelen for å få gebyrkostnadene i samsvar med arbeidsmengda.

Ingen høyringsinstans er negativ til å føre vidare denne føresegna.

#### 13.3.4.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår å føre denne føresegna vidare, sjå gjeldande jordskiftelov § 74 åttande ledd og lovforslaget § 7-5. Det bør vere rimeleg samanheng mellom arbeidstida og storleiken på dei samla gebyra. Sakene for jordskifterett kan vere svært forskjellige når det gjeld tal partar og grenselengde. Sjølv om tal partar og grenselengde ofte heng nokolunde godt saman med arbeidsinnsatsen, kan det vere saker der desse to faktorane ikkje gir eit godt samla uttrykk for arbeidstida jordskifteretten har brukt. Da bør jordskifteretten ha tilgang til ein regel som gjer det mogeleg å endre dei samla gebyra, i høve til arbeidsinnsatsen. Departementet har erfaring for at regelen i gjeldande lov er praktisert noko ulikt i jordskifterettane, sjå også oversikta over gebyrinntektene for året 2008 i kapittel 13.3.3.3. Departementet vil understreke at regelen i § 7-5 er ein unntaksregel, og at det berre er ved klare avvik frå det vanlege at regelen kan nyttast ved fastsetjing av samla gebyr. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-5.

## 13.4 Fordeling av sakskostnader

### 13.4.1 Fordeling etter nytte

#### 13.4.1.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare hovudregelen i gjeldande jordskiftelov § 76 første ledd. Etter føresegna skal sakskostnadene delast mellom partane etter den nytte dei har av sak etter høyringsforslaget kapittel 3 og 4.

#### 13.4.1.2 Høyringsinstansane

Ingen høyringsinstans har merknader til hovudregelen om å dele sakskostnadene etter nytten.

Når det gjeld rettsfastsetjande saker, uttaler jordskiftedommarane i *Gulating jordskiftedømme*:

«Me er usikre på om det alltid er rett å fordele kostnadane i rettsfastsetjande saker etter «nytte». I tvist om ei grense der ein part tapar totalt og må erstatte motparten sine utgifter til juridisk bistand, bør han kanskje også dekke heile jordskiftekostnaden. Me syner til merknadane i ein dom frå Agder lagmannsrett (LA-1999-93). Her uttaler lagmannsretten: «Nyttebegrepet i jordskiftelovens § 76 tar sikte på forholdene ved en vanlig jordskiftesak og passer dårlig i en sak om rettsutgreiing, dvs. i en rettstvist, slik tilfellet er i denne saken. Det kan neppe sies å være til noen «nytte» for den vinnende part å få en avgjørelse som er i samsvar med det som hele tiden har vært hans oppfatning, og som retten ikkje har funnet tvilsom. Etter sin art kunne saken ha vært reist ved byretten og etter resultatet ville ankemotparten da ha fått erstattet sine saksomkostninger etter tvistemålslovens regler, mens han etter «nytte»regelen i jordskiftelovens § 76 må betale for å få fastslått sin rett.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* tek opp det same og uttaler:

«I mange tilfelle vil hovudregelen om deling etter nytte av klarlegginga og fastsetjinga av rettsforholda vere rett å bruke. I visse tilfelle, som til dømes når saka allereie ved kravet gjeld ein klårt avgrensa tvist, bør det likevel vere ein klår heimel til å kunne leggje kostnaden etter § 7-1 på den tapande parten i tvisten.»

#### 13.4.1.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at hovudregelen for deling av sakskostnader i saker etter lovforslaget kapittel 3 og 4 framleis skal vere etter nytte. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 76 første ledd. Departementet viser til at det ikkje er nokon høyringsinstans som går mot denne hovudregelen.

Departementet er samd med dei to høyringsinstansane som seier at reglane om betaling av sakskostnader bør skilje mellom dom i tvist og dom utan tvist i dei rettsfastsetjande sakene etter lovforslaget kapittel 4. Departementet viser til lovforslaget § 7-9 første ledd som gjeld for sakskostnader som er direkte knytt til dom i tvist. Dette gjeld uansett om tvisten kjem opp ved fastsetjing av eigedomsretts- eller bruksrettstilhøva etter lovforslaget § 3-13, eller ved rettsutgreiing eller grensefastsetjing etter lovforslaget §§ 4-1 og 4-2. Hovudregelen i lovforslaget § 7-6 første ledd gjeld

for dom utan tvist. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-6 første ledd.

### 13.4.2 Særreglar for fordeling av sakskostnader i visse saker

#### 13.4.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at i tiltaksjordskifte skal utgangspunktet framleis vere at tiltakshavaren skal betale sakskostnader og sideutgifter. Arbeidsgruppa foreslår òg å føre vidare at dei andre partane i slike jordskifte kan påleggjast delar av desse sakskostnadene dersom dei får netto nytte i høve til tilhøva før jordskiftet. Arbeidsgruppa foreslår det same for vernejordskifte. Forslaga fører vidare gjeldande jordskiftelov § 81 andre ledd.

For grensesak etter høyringsforslaget § 4-2 første ledd bokstav g foreslår arbeidsgruppa at offentleg vernemyndigheit framleis skal betale sakskostnadene. Forslaget fører vidare gjeldande jordskiftelov § 76 siste ledd.

Arbeidsgruppa foreslår òg å føre vidare reglane om betaling for særlege grensesaker i Nordland, Troms og Finnmark, jf. høyringsforslaget §§ 4-4 og 4-5. Innhaldet i forslaget er at desse sakene skal vere fri for rettsgebyr og at partane ikkje skal betale for kostnadene med grensemerking, koordinatfesting og kartleggjing av grenser. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 89 a tredje ledd. Sidan desse sakene skal gå med jordskiftedommar som einedommar, blir det heller ikkje kostnader til jordskiftemeddommarar. Dette forslaget fører vidare gjeldande jordskiftelov § 89 a fjerde ledd.

#### 13.4.2.2 Høyringsinstansane

Ingen høyringsinstans uttaler seg om særreglane for sakskostnader i tiltaks- og vernejordskifte eller om sakskostnadsreglane i grensesaker etter høyringsforslaget § 4-2 første ledd bokstav g.

Når det gjeld dei særlege grensesakene i Nordland, Troms og Finnmark, viser *jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* til at Utmarkskommisjonen for Nordland og Troms er lagt ned. Dei sakene som er mottekne, vil gå etter gjeldande jordskiftelov. Derfor er det ikkje behov for ein regel om saker frå denne utmarkskommisjonen i den nye jordskiftelova.

#### 13.4.2.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår å føre vidare reglane om betaling av sakskostnader for tiltaks- og verne-

jordskifte. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 81 andre ledd. Innhaldet i forslaga er at høvesvis tiltakshavar og vernemyndigheit i utgangspunktet skal betale sakskostnadene. Dersom ein eller fleire partar får netto nytte i høve til tilhøva før jordskiftet, kan retten leggje sakskostnader på desse partane. Sjølv om ordlyden i lovforslaget § 7-6 andre ledd ikkje er ordrett den same som i gjeldande jordskiftelov § 81 andre ledd, er det ikkje meininga å gjere realitetsendringar.

Departementet ser dette som ei vel etablert og godt akseptert ordning som det ikkje er grunn til å endre. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-6 andre ledd.

Departementet foreslår at offentleg vernemyndigheit framleis skal betale sakskostnadene i sak om grensefastsetjing etter lovforslaget § 4-2 første ledd bokstav f. Slik sak går ut på å fastsetje grensa for det regulerte området. Det kan ikkje vere tvil om at det er vernemyndigheita som må bere ansvaret for at det blir ei sak. Grensa er ny og ein direkte følgje av reguleringsvedtaket. Det vanlege er at den som står bak ei ny grense, må betale kostnadene med å få ho på plass i terrenget, koordinatfesta, kartfesta og registrert i matrikkelen. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-6 tredje ledd.

Departementet er samd med jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme om at det ikkje er nødvendig å ha nokon regel om sakskostnader i grensesaker frå Utmarkskommisjonen i Nordland og Troms fordi kommisjonen har avslutta sitt arbeid. Da vil alle saker frå den gå etter gjeldande jordskiftelov.

Departementet viser til at finnmarkslova § 45 inneheld både kompetanseregelen for jordskifteretten og reglar om saksbehandling for dei spesielle sakene jordskifteretten kan få etter finnmarkslova. Departementet registrerer at høyringsforslaget ikkje har med nødvendige endringar i referansar til jordskiftelova i finnmarkslova. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 9-7 endringar i andre lover nr. 19 finnmarkslova § 45.

### 13.4.3 Sakskostnader som følgje av trekking av sak, avvising med vidare

#### 13.4.3.1 Sakskostnader når saka blir trekt

##### 13.4.3.1.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at rekvirenten framleis skal betale sakskostnadene dersom sak etter høyringsforslaget kapittel 3 og 4 blir trekt. Forslaget

er i samsvar med gjeldande jordskiftelov § 75 første ledd.

#### 13.4.3.1.2 Høyringsinstansane

Dei høyringsinstansane som uttaler seg, meiner at rekvirenten må bere sakskostnadene dersom krav om sak etter høyringsforslaget kapittel 3 og 4 blir trekt.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner likevel at dette ikkje skal gjelde etter at saka er fremja. Desse jordskifterettane uttaler i den samanheng:

«Når saka er fremma, har alle partane ansvar for sakskostnadene etter § 7-1. Når sak blir trekt tilbake etter at saka er fremma, skal kostnadene delast slik retten fastset.»

#### 13.4.3.1.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at rekvirenten framleis skal betale sakskostnadene dersom eit krav om slik sak for jordskifterett blir trekt. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 75 første ledd.

Det er berre rekvirenten som kan trekkje kravet. Da må òg rekvirenten bere omkostningane som følgjer av eigne handlingar. Dette må òg gjelde dersom sakskravet blir trekt etter at behandlinga av realiteten har begynt. I slike tilfelle skal jordskifteretten etter lovforslaget § 6-19 første ledd samtykke i at saka blir trekt. Da skal jordskiftedommaren informere om konsekvensane av å trekkje saka. Ansvar for rekvirenten har for sakskostnadene vil vere ein påreknelig del av informasjonen frå jordskiftedommaren.

Departementet meiner at synspunktet til jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme om deling av kostnader etter fremjing er lite relevant fordi det etter lovforslaget ikkje lenger vil vere noko vedtak om fremjing. I denne samanhengen peika departementet òg på at lovforslaget har ei mykje snevrare opning for trekking av slik sak enn det desse jordskifterettane la til grunn for sitt forslag. Endeleg meiner departementet at forslaget til desse jordskifterettane har vel lite føringar for det skjønnet som skal utøvast ved fordeling av dei aktuelle kostnadene. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-7 første ledd bokstav a.

#### 13.4.3.2 Sakskostnader når sak blir avvist på grunn av formfeil

##### 13.4.3.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at rekvirenten skal bere sakskostnadene dersom formfeil han har valda, fører til at saka ikkje blir behandla. Forslaget fører vidare gjeldande jordskiftelov § 75 første ledd.

Arbeidsgruppa foreslår òg at rekvirenten skal betale sakskostnadene dersom krav om sak etter høyringsforslaget kapittel 3 og 4 er heilt grunnlaust. Forslaget fører vidare gjeldande jordskiftelov § 75 første ledd.

Arbeidsgruppa foreslår at inngangsgebyret skal reduserast frå fem til to gonger rettsgebyret dersom krav om sak etter høyringsforslaget kapittel 3 eller 4 blir avvist før realitetsbehandling. Dette er i samsvar med gjeldande jordskiftelov § 74 sjuande ledd.

##### 13.4.3.2.2 Høyringsinstansane

Dei høyringsinstansane som uttaler seg, meiner at rekvirenten må bere sakskostnadene dersom krav om sak etter høyringsforslaget kapittel 3 og 4 blir avvist av formelle grunnar som rekvirenten er skuld i.

Når det gjeld forslaget om kostnadsansvar for heilt grunnlause saker, kjem det fram nokre synspunkt i høyringsuttalane.

*Domstoladministrasjonen (DA)* ber departementet vurdere om ordet «heilt» bør strykast. DA uttaler:

«Av likhetshensyn bør det av særmerknadene klargjøres hva man skal legge i begrepet «grunnlaust.»»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* uttaler:

«I første avsnitt er tatt inn en bestemmelse som tilsvarer dagens § 75, 1. ledd. Vi mener formuleringen «heilt grunnlaust» er uheldig. Vi mener at rekvirenten må betale en sak som blir trekt tilbake, avvist eller nektet fremmet.»

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* meiner at ordet «heilt» bør strykast både i overskrifta og i første ledd i paragrafen.

*Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler:

Ordet «heilt» i overskrift og første ledd må strykes. Den aktuelle vurderinga er et skjønns-

spørsmål og ordet heilt snevrer inn rommet for skjønnet på en uheldig måte.»

Ingen høyringsinstans uttaler seg om at inngangsgebyret er foreslått redusert.

#### 13.4.3.2.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at dersom sak etter lovforslaget kapittel 3 eller 4 blir avvist av formelle grunnar, skal rekvirenten framleis betale saks-kostnadene. Det følgjer av at det må vere ansvaret til rekvirenten å sjå til at dei formelle vilkåra for sak er til stades. Lovforslaget § 7-7 første ledd bokstav b svarar til gjeldande jordskiftelov § 75 første ledd når det gjeld formelle feil. Lovforslaget § 7-7 første ledd bokstav b gjeld også i høve til materielle vilkår, sjå kapittel 13.4.3.3.3.

Departementet foreslår å ta bort formuleringa «heilt grunnlaust» i gjeldande jordskiftelov § 75 første ledd. Det er eit harmoniseringstiltak i samsvar med mandatet for lovarbeidet. Departementet viser til at lovforslaget § 6-1 andre ledd bokstav o gjer reglane i reglane i tvistelova kapittel 20 gjeldande så langt dei høver. Det er òg i samsvar med høyringsuttalane som går mot at vilkåret framleis skal vere at kravet er «heilt» grunnlaust.

#### 13.4.3.3 Sakskostnader når jordskifte blir avvist av materielle grunnar

##### 13.4.3.3.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår ikkje nokon konkret regel om dette.

##### 13.4.3.3.2 Høyringsinstansane

*Jordskifteoverrettane, jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme, jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme og Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner at det bør vere eit skilje mellom avvising av prosessuelle grunnar og avvising av materielle grunnar.

##### 13.4.3.3.3 Departementets vurderingar

Blir krav om jordskifte avvist i første rettsmøte fordi dei materielle vilkåra etter lovforslaget §§ 3-2, 3-3 og 3-18 ikkje er til stades, skal parten som har ansvaret for at det blir sakskostnader knytt til dette møtet betale desse saksomkostningane. Ofte vil det vere rekvirenten. Dette følgjer av lovforslaget § 7-7 første ledd bokstav b. Forslaget inneber ei viss endring i høve til gjeldande jordskiftelov

§ 75 første ledd som seier at rekvirenten må bere kostnadene dersom jordskiftekravet blir nekta fremjing fordi jordskiftekravet er heilt grunnlaust.

Eit særtrekk ved jordskifte er at det inneheld fleire fasar, og at det ofte kan strekkje seg over tid.

Første rettsmøte er første høve til å behandle krav om avvising av materielle grunnar. Dersom påstand om avvising ikkje blir teken til følgje, er det ikkje lenger rimeleg at rekvirenten skal bere alle sakskostnader.

Til vanleg fører det første rettsmøtet til at jordskifteretten har skaffa seg oversikt over kva jordskiftet skal handle om. Den andre fasen i eit jordskifte er å fastsetje dei aktuelle eigedomstilhøva. Etter sitt innhald er dette arbeidet det same som i ei rettsfastsetjande sak etter lovforslaget kapittel 4. Dersom eit krav om avvising blir teken til følgje i denne fasen, og jordskifteretten har avsagt dom om rettar eller grenser, meiner departementet at det ikkje skal vere mogleg å få oppheve desse dommane gjennom avvising av jordskiftet. Det vil i realiteten vere å innføre eit nytt rettsmiddel. Departementet meiner at kravet om avvising på dette stadiet, er å sjå på som eit krav om avvising av resten av jordskiftet. Dersom jordskiftet avbrytast på denne måten, meiner departementet at realiteten er at saka har blitt omgjort frå eit jordskifte til ei rettsfastsetjande sak. Departementet viser til at lovforslaget § 6-20 opnar for å slutte ei sak delvis. Sakskostnadene med den rettsfastsetjande delen skal da delast etter reglane for slik sak.

Eventuelle sakskostnader knytt til avgjerda om avvising av resten av jordskiftet må gjerast opp for seg. Departementet meiner at dei som får medhald i å avvise jordskiftet, i utgangspunktet må vere fri for desse kostnadene. I praksis er ein da på mange måtar om lag i same situasjon som i første rettsmøtet.

Dersom det seinare i jordskiftet viser seg at eit av dei kumulative, materielle vilkåra ikkje kan oppfyllest, skal jordskiftet avvist. I slike høve vil det vere sakskostnader knytt til dei rettsmøta som er haldne etter den rettsfastsetjande fasen.

Dersom det er skapt ei nytte for ein eller fleire partar før jordskiftet blir avvist, skal sakskostnader knytt til dette, delast etter nytten på vanleg måte. Nyttan kan for eksempel vere løysing av eitt eller fleire delproblem i jordskifteområdet.

Dersom det framleis gjenstår sakskostnader, skal dei leggast på han som har valda at jordskiftet ikkje blir avvist i tide. Departementet viser til at dette prinsippet gjeld i tvistelova, sjå § 10-5 tredje ledd. Dersom jordskifteretten ikkje har avvist eit jordskifte som openbert skulle ha vore



avvist, gjeld lovforslaget § 7-15 for ansvaret staten har for sakskostnader.

Departementet meiner at dersom det etter dette framleis gjenstår sakskostnader, vil det vere mest rimeleg å fordele dei etter det kvar part har forårsaka av dei gjenståande sakskostnadene.

Forslaget går fram av lovforslaget § 7-7 første ledd bokstav b.

#### 13.4.3.4 Sakskostnader som skuldast for seine krav eller opplysningar

##### 13.4.3.4.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare regelen i gjeldande jordskiftelov § 76 andre ledd andre punktum om at kostnader som kjem av at krav blir sett fram for seint, skal kunne leggjast på dei som er skuld i dette. Det same skal gjelde når opplysningar blir gitt for seint.

##### 13.4.3.4.2 Høyringsinstansane

Ingen høyringsinstansar kommenterer dette.

##### 13.4.3.4.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at det framleis skal vere slik at den som gjennom sommel med krav eller opplysningar valdar sakskostnader, skal påleggjast å betale desse sakskostnadene, jf. gjeldande lov § 76 andre ledd. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-7 første ledd bokstav c.

#### 13.4.3.5 Sakskostnader knytt til visse eigedommar eller partar

##### 13.4.3.5.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at jordskifteretten framleis skal kunne leggje sakskostnader knytt til enkelte eigedommar eller partar på vedkommande aleine. Føresetnaden er at desse sakskostnadene i utgangspunktet skal delast etter nytten. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 76 andre ledd første punktum.

Sjølv om det ikkje sto i klartekst i høyringsforslaget, følgjer det av systemet at den interne fordeling av kostnadene mellom dei som skal betale, skal følgje dei alminnelege reglane om deling av kostnader. Dette er i samsvar med gjeldande rett.

Arbeidsgruppa foreslår òg at dersom det i skjønn i samband med jordskifte er tvist om underliggjande rettshøve om for eksempel grenser, eigedomsrett, bruksrett, tyngsler eller anna, så skal jordskifteretten avgjere dette ved dom når det er nødvendig å ta stilling til tvisten for å avheimle skjønnet. Dersom det er ein tilsvarande tvist i eit skjønn som sjølvstendig sak for jordskifteretten, skal jordskifteretten ta stilling til tvisten prejudisielt. Dette er i samsvar med gjeldande rett.

##### 13.4.3.5.2 Høyringsinstansane

Ingen høyringsinstansar går mot innhaldet i forslaget om å behalde regelen om at jordskifteretten skal kunne leggje kostnader som berre gjeld nokre eigedommar eller partar, på dei det gjeld. *Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme og Sør-Trøndelag jordskifterett* stør forslaget positivt ved å fremje ei alternativ språkleg formulering av regelen.

Det er elles ikkje merknader til dette forslaget.

##### 13.4.3.5.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at det framleis skal vere slik at sakskostnader i sak etter lovforslaget kapittel 3 og 4 som berre gjeld nokre eigedommar eller partar, skal kunne leggjast på dei det gjeld. I store saker vil det ofte vere slik at jordskifteretten med fordel kan halde eigne rettsmøte for å løyse delproblem som berre gjeld nokre partar. Sakskostnadene med slike delproblem kan etter lovforslaget § 7-7 andre ledd leggjast på dei det gjeld. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 76 andre ledd første punktum.

I andre tilfelle vil behandlinga av delproblem berre vere ein del av eit rettsmøte. Da kan det både vere vanskeleg å knyte bestemte sakskostnader til delproblemet, og dei aktuelle kostnadene vil ofte vere heller små.

I den praktiske kvardagen vil jordskifteretten stå overfor ei rekkje slike konkrete vurderingar. Da treng jordskifteretten ein heimel som legg til rette for konkrete vurderingar.

Departementet meiner at det ikkje er grunn til å lage særreglar for fordeling av sakskostnadene mellom dei som skal betale. Når slik fordeling er aktuelt gjeld § 7-6. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-7 andre ledd.

### 13.4.3.6 Ingen regel om sakskostnader til det offentlege

#### 13.4.3.6.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at jordskifteretten skal kunne påleggje partane å betale sakskostnader til det offentlege dersom saka blir trekt etter at realitetsbehandlinga har teke til og det ligg føre særlege grunnar. I merknadene til høyringsforslaget § 7-6 andre ledd heiter det: «... særlege grunnar kan vere at spørsmålet om å trekkje saka har vore tema fleire gonger og retten har informert om konsekvensane med reversering, men partane har drygd med å ta den endelege avgjerda om å trekkje saka. Det offentlege har så brukt ressursar som burde ha vore unngått. Særlege grunnar kan òg vere at partane har trekt tilsvarande sak tidlegare.» Forslaget er nytt.

#### 13.4.3.6.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* går mot forslaget om å kunne påleggje sakskostnader til det offentlege. Dei oppfattar forslaget slik at det er tale om ei form for «straffesakskostnader». Det må i så fall vere tilleggsgebyr, og da ligg heimelen uansett i heimelen til å endre gebyra i høyringsforslaget § 7-3 niande ledd.

*Jernbaneverket* meiner det er uklart kva som er meint med formuleringa «det offentlege» i denne føresegna i høyringsforslaget. *Jernbaneverket* meiner òg at det er uklart kva for kostnader det her er tale om.

#### 13.4.3.6.3 Departementets vurderingar

Departementet er samd med jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme i at det ikkje er grunn til å ha ein eigen regel om «straffesakskostnader» til det offentlege. Departementet er òg samd i at unntaksregelen i lovforslaget § 7-5 om tilpassing av gebyr i saker som avvik nemnande frå det vanlege når det gjeld arbeidstid, kan nyttast dersom det ligg føre særlege grunnar som tilseier det.

Departementet ser ikkje grunn til å kommentere høyringsuttalen til *Jernbaneverket* fordi lovforslaget ikkje fører vidare høyringsforslaget på dette punktet.

Lovforslaget inneheld ikkje andre heimlar enn § 7-5 når det gjeld tilpassing av gebyr til arbeidstida som er brukt på saka.

## 13.5 Kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp

### 13.5.1 Kvar part ber egne kostnader

#### 13.5.1.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare hovudregelen som følgjer av kombinasjonen av gjeldande jordskiftelov §§ 76 første ledd og 81 første ledd. Hovudregelen inneber at partane skulle bere sine egne kostnader til rettshjelp og anna partstilknytt hjelp i jordskifte, rettsutgreiing og grensesak.

#### 13.5.1.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* er samde i at hovudregelen om at partane dekkjer sine egne kostnader til sakkunnig hjelp, skal presiserast i den nye jordskiftelova.

Desse jordskifterettane er kritiske til bruken av formuleringa «sakkunnig hjelp» i høyringsforslaget § 7-13 første ledd. Dei viser til at kva som er rettshjelp, følgjer av domstollova § 218. Dei uttaler òg:

«Det å gje rettshjelp er å gje råd om rettslege spørsmål og om sakførsel for domstolen. Omgrepet sakkunig hjelp femner både om rettshjelp og fagkyndige på til dømes jordskifte, verdsetting og bygging av vegar. Vi foreslår derfor at overskrifta blir presisert til Kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp. Den same presiseringa er gjort i første ledd.»

Ingen andre har merknader til forslaget om å føre vidare gjeldande rett på området.

#### 13.5.1.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at hovudregelen framleis skal vere at partane skal bere egne kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp i saker etter lovforslaget kapittel 3 og 4.

Departementet er samd med jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme. Departementet har derfor omarbeidd teksten i lovforslaget noko i høve til teksten i høyringsforslaget. I høyringsforslaget § 7-13 første og andre ledd heiter det:

«Partane ber kvar sine kostnader til sakkunnig hjelp.

For rettsforlik gjeld tvisteloven § 19-11 (4).»

Lovforslaget § 7-8 lyder slik:

«Med dei unntak som går fram av § 7-9, skal kvar part bere eigne kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp i sak etter kapittel 3 og 4.»

Departementet meiner elles at prinsippet om ansvar for eigne kostnader til rettshjelp er eit viktig element i tilrettelegginga for at partane òg i framtida skal klare seg utan å bruke rettshjelp i jordskifte, rettsutgreiing og grensefastsetjing for jordskifterett.

Departementet har vald å formulere denne paragrafen slik at det går tydeleg fram at dette er ein hovudregel med konkrete unntak. Unntaka er nedfelte i lovforslaget § 7-9, og gjeld ved dom i tvist og ved trekking og avvising av sak for jordskifterett. Ved å gjere det på den måten, legg departementet til rette for at det skal vere greitt for sjølvprosederande partar å finne fram til dei aktuelle reglane. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-8.

### 13.5.2 Erstatning for kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp

#### 13.5.2.1 Ved dom i tvist

##### 13.5.2.1.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å føre gjeldande jordskiftelov vidare for dom i tvist etter høyringsforslaget § 6-19 andre ledd. I gjeldande jordskiftelov § 81 første ledd heiter det:

«Vederlag for kostnader til sakkunnig hjelp i tvistar blir avgjorde etter reglane i tvisteloven kapittel 20.»

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 7-13 fjerde ledd å ta inn ein regel henta frå småkravsprosessen i tvistelova som set tak for storleiken på erstatning for kostnader til rettshjelp og andre saks kostnader i tvistar der tvistesummen er under 125 000 kroner. Dette er nytt.

##### 13.5.2.1.2 Høyringsinstansane

Alle som uttaler seg om det, er samde i at reglane i tvistelova kapittel 20 skal gjelde ved avgjerdsforma dom etter høyringsforslaget § 6-19 andre ledd.

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedomme* uttaler om kva for kostnader som bør knytast til ein dom i rettsfastsetjande saker:

«Me er usikre på om det alltid er rett å fordele kostnadane i rettsfastsetjande saker etter «nytte». I tvist om ei grense der ein part tapar totalt og må erstatte motparten sine utgifter til juridisk bistand, bør han kanskje også dekke heile jordskifte kostnaden. Me syner til merknadane i ein dom frå Agder lagmannsrett (LA-1999-93). Her uttaler lagmannsretten: «Nyttebegrepet i jordskiftelovens § 76 tar sikte på forholdene ved en vanlig jordskiftesak og passer dårlig i en sak om rettsutgreiing, dvs. i en rettsvist, slik tilfellet er i denne saken. Det kan neppe sies å være til noen «nytte» for den vinnende part å få en avgjørelse som er i samsvar med det som hele tiden har vært hans oppfatning, og som retten ikke har funnet tvilsom. Etter sin art kunne saken ha vært reist ved byretten og etter resultatet ville ankemotparten da ha fått erstattet sine saksomkostninger etter tvistemålslovens regler, mens han etter «nytte»regelen i jordskiftelovens § 76 må betale for å få fastslått sin rett.»»

*Domstoladministrasjonen og jordskifterettane i jordskiftedomma i Agder, Eidsivating og Hålogaland* stør forslaget om innføring av reglane småkravsprosessen har for erstatning for kostnader med rettshjelp og andre saks kostnader. *Sør-Trøndelag jordskifterett* har merknader til forslaget, men går ikkje mot det. Heller ikkje andre høyringsinstansar går mot forslaget. Jordskifterettane i Agder jordskiftedomme er rimeleg representative når dei uttaler:

«Vi ser for oss at denne regelen vil være et godt redskap for å holde utgiftene på et mer forsvarlig nivå.»

Sør-Trøndelag jordskifterett peiker på at lovfesting av denne regelen frå småkravsprosessen får konsekvensar for arbeidet med avgjerda i dei aktuelle tvistane. Denne jordskifteretten uttaler:

«Bestemmelsen medfører at jordskiftedommeren må vurdere størrelsen på tvistesummen for hver tvist, når krav om dekning av saks kostnader skal avgjøres.»

Denne jordskifteretten uttaler òg:

«I denne sammenheng virker det ulogisk at ikke også tvisteloven § 10-4 (Dommen) gjelder for jordskiftesaker.»

### 13.5.2.1.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår å føre vidare vilkåra for tilkjenning av erstatning for kostnader til sakkunnig hjelp i dom i tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett og andre materielle eigedomstilhøve. Departementet viser til at både jordskifteretten og tingretten er kompetente til å dømme i slike tvistar. Departementet meiner derfor at reglane om erstatning for sakskostnader i tvistelova må gjelde på same måte uansett om tvisten er pådømt i tingretten eller jordskifteretten.

I sak for tingretten er tvisten og saka synonyme omgrep. Saka er tvisten, og tvisten er saka. Dersom tvisten står om kvar ei eigedomsgrense går, avgjer dommen dette i form av ei verbal skildring.

Dersom nokon av partane vil ha grensa merkt i terrenget, inn i matrikkelen og inn på kart, må vedkommande part krevje oppmålingsforretning etter matrikkellova. Etter matrikkellova skal gebyrkravet rettast mot rekvirenten av oppmålingsforretninga dersom ikkje anna er skriftleg avtalt.

I sak for jordskifterett er det berre unntaksvis at sak og tvist fell saman på same måten. Det er tilfellet dersom heile grensestrekninga som er til behandling i ei sak om grensefastsetjing, er omtvista. I slike tilfelle er departementet samd med jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme i at det ikkje er grunn til å ha forskjell i reglane om sakskostnader. Departementet meiner likevel dette berre gjeld så langt det er snakk om likearta kostnader. Det vil i praksis seie at reglane i tvistelova kapittel 20 bør gjelde for dei kostnadene som er knytt til dommen i jordskifteretten om kvar grensa går. I grensefastsetjing etter lovforslaget § 4-2 med tvist om heile grensestrekninga, vil det seie at den vinnande parten i utgangspunktet skal få erstatning for kostnader til rettshjelp og til sakkunnig hjelp. Den vinnande parten skal heller ikkje betale kostnader med eventuelle jordskiftedømmarar, inngangsgebyr og partsgebyr.

Kostnader knytt til merking og koordinatfesting av grensa og grenselengdegebyr er kostnader som berre finst i sak om grensefastsetjing for jordskifterett. Dei er på sett og vis knytt til eit etterarbeid etter at tvisten er avgjort ved dom. Kostnadene med dette etterarbeidet motsvarar gebyr for oppmålingsforretning og matrikkelføring etter matrikkellova i etterkant av at dommen i tingretten har blitt rettskraftig.

Departementet meiner at dei som eig inntil grensa, er like godt tente med at grensa blir merkt

med varige merke i marka, at grensemerka blir koordinatfesta og at grensa blir festa til kart og teken inn i matrikkelen. Departementet meiner derfor at hovudregelen framleis skal vere at kostnadene med dette skal delast etter nytten. I praksis vil dette gjelde for kostnadene knytt til merking og koordinatfesting av grensa og grenselengdegebyr. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-9 første ledd første punktum og § 7-6 første ledd.

Ikkje reint sjeldan kjem det opp tvist som berre gjeld eit fåtal partar og berre utgjer ein liten del av eigedomstilhøva. Da må kostnadene knytt til saksbehandlinga av tvisten, gjerast opp som om tvisten var ei sjølvstendig sak. Det same prinsippet må gjelde om tvisten utgjer storparten av saka. Departementet meiner det må vere mogleg å avgjere konkret kva for kostnader som er knytt til dommen, og kostnader som er uavhengige av dommen. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-9 første ledd første punktum.

Departementet foreslår å ta inn verdigrensa frå småkravsprosessen både når det gjeld storleiken på tvistesummen og øvre grense for erstatning for sakskostnader. Departementet legg vekt på at dette er eit ledd i arbeidet med å harmonisere reglane om tvisteløysing i tingrett og jordskifterett. Departementet legg òg vekt på at det er god støtte til forslaget.

Departementet er samd med jordskifterettane i Agder jordskiftedømme når dei uttaler at forslaget vil halde utgiftene knytt til tvisten på eit meir forsvarleg nivå.

Departementet er samd med Sør-Trøndelag jordskifterett i at innføringa av verdigrensa på 125 000 kroner for tvistesummen er å påleggje jordskifteretten ei tilleggsoppgåve samanlikna med gjeldande rett. Departementet viser til at jordskifteretten har lang erfaring i verdsetjing i jordskifte og i skjønn. Departementet kan derfor ikkje sjå at denne verdsetjingsoppgåva skal falle vanskelegare for jordskifteretten enn for tingretten. Departementet viser til at slike tvistar ofte vil kome opp i starten av ei sak. Da er det eit gode både for partane og for jordskifteretten at kostnadene knytt til ein tvist om små verdiar, kan haldast innafor rimelege grenser. I jordskiftesak vil det kunne vere ein ikkje ubetydeleg fordel når det gjeld å løyse dei problema som er til behandling.

Når det gjeld uttalen til Sør-Trøndelag jordskifterett om at småkravsprosessen logisk sett òg skulle ha blitt gjort gjeldande for sjølve dommen i tvisten, viser departementet til drøftinga av småkravsprosessen i kapittel 12.4.5 i lovproposisjo-

nen. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-9 første ledd andre punktum.

### 13.5.2.2 Erstatning for kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp i visse saker

#### 13.5.2.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at reglane i skjønnsprosesslova §§ 54 til 54 b og 58 skal gjelde for tiltaks- og vernejordskifte. Hovudregelen skal vere at tiltakshavar skal erstatte nødvendige utgifter partane har som følge av skjønnsdelen av saka. Forslaget fører vidare gjeldande jordskiftelov § 81 andre ledd siste punktum.

Arbeidsgruppa foreslår òg å føre vidare reglane om betaling for særlege grensesaker i Nordland, Troms og Finnmark, jf. høyringsforslaget § 4-5. Etter at utmarkskommisjonen for Nordland og Troms er avvikla, er det berre reglane i finnmarkslova som er aktuelle. Arbeidsgruppa foreslår ikkje endringar i finnmarkslova.

#### 13.5.2.2.2 Høyringsinstansane

Når det gjeld vederlag for kostnader til rettshjelp i tiltaks- og vernejordskifte, har det kome merknader frå *Statens vegvesen* og *Avinor AS*. *Statens vegvesen* uttaler:

«Når det gjeld regler om utgiftsdekning, har vi merket oss at man foreslår å videreføre regelen i § 81 i någjeldende lov om at skjønnsloven § 54 kommer til anvendelse for tiltaksjordskifte. Regelen er tatt inn i § 7-4 i utkastet. Etter kjennelsen i Høyesteretts kjæremålsutvalg 29. mai 2000 er det klart at henvisningen til skjønnsloven § 54 innebærer at skjønnslovens sakskostnadsregler kommer til anvendelse for hele prosessen, dvs også for arbeidet med skifteplanen. Konsekvensen av dette er at grunneierne kan engasjere advokat til å ivareta sine interesser under skifteplanprosessen og få kostnadene dekket av tiltakshaver.

Vegdirektoratet ser ingen tungtveiende grunner til å videreføre denne bestemmelsen. For det første mener vi det formelt sett ikke kan være riktig å gjøre skjønnsprosessloven § 54 gjeldende for skifteplanprosessen ettersom denne prosessen ikke innebærer noen ekspropriasjon. For det andre mener vi det reelt sett ikke er behov for advokatbistand under denne delen av prosessen. I spørsmål om hvordan eiendommene skal utformes vil ikke en advokat besitte noe mer kompetanse

enn en vanlig grunneier. Dessuten har jordskiftedommeren særlig kyndighet på dette område. Når vi går i mot at skjønnsloven § 54 også skal gjelde for skifteplanprosessen, er likevel hovedårsaken de kostnader dette innebærer. Vi har erfaring for at kostnadene i enkelte saker kan beløpe seg til flere hundre tusen kroner. Dette har ført til at Statens vegvesen har blitt mer tilbakeholden med å kreve tiltaksjordskifte. Etter at den nevnte kjennelsen i Høyesteretts kjæremålsutvalg forelå, sendte Vegdirektoratet således et brev til vegkontorene der vi gjorde det klart at det ut frå kostnadshensyn vil måtte vurderes nøye om det skal kreves tiltaksjordskifte eller vanlig skjønn.

At det i praksis kan være vanskelig å sette skille mellom hva som hører inn under skifteplanprosessen og hva som hører inn under skjønnet, mener vi ikke er noen tungtveiende grunn til å opprettholde någjeldende regel. Det må her utvises et skjønn, og dette skjønnstemaet er neppe vanskeligere enn mange andre skjønnstemaer som melder seg i denne typen saker.

Ut fra dette mener vi § 7-4 i utkastet må endres slik at skjønnsloven § 54 kun blir gjort gjeldende for skjønssaken.»

*Avinor AS* uttaler:

«Etter lovutkastet § 7-4 vil skjønnslovens § 54 fortsatt komme til anvendelse for tiltaksjordskifte. Dette innebærer i slike saker basert på høyesterettspraksis at skjønnslovens sakskostnadsregler blir gjeldende ikke bare for selve skjønnsdelen, men også for arbeidet med å utarbeide skifteplaner. Vi vil anbefale en klargjøring av at skjønnslovens § 54 kun skal få anvendelse på det rene erstatningsutmålings-skjønnet, og ikke ved utarbeidelsen av skifteplaner. I motsatt fall vil jordskifte som virkemiddel trolig i større grad bli valgt bort av tiltakshavere ut frå prosessøkonomiske hensyn, sjølv om forholdene elles skulle tilsi at jordskifte burde være et godt virkemiddel. Vi kan heller ikke se reelle hensyn som taler for at grunneiere skal ha krev om dekning av juridisk og sakkyndig bistand ved utarbeidelse av skifteplaner, hvor jordskifteretten er et uavhengig organ som i utgangspunktet har den beste kompetanse. Her vil det i tilfelle også være større potensial for motstridende interesser mellom grunneierne, og derved behov for hver sine advokater, enn i et ordinært ekspropriasjonskjønn.»

Når det gjeld dei særlege grensesakene i Nordland, Troms og Finnmark, viser *jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* til at Utmarkskommisjonen for Nordland og Troms er lagt ned. Dei sakene som er motteke, vil gå etter gjeldande jordskiftelov. Derfor er det ikkje behov for ein regel om saker frå denne utmarkskommisjonen i den nye jordskiftelova.

#### 13.5.2.2.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at reglane om utgiftsdekning i skjønnsprosesslova §§ 42, 54 og 58 framleis skal gjelde for sjølve skjønnet i tiltaks- og vernejordskifte. I skjønnsdelen av saka er det erstatning for eigedomsinngrepet som er det sentrale. Da må dei alminnelege reglane for erstatning for kostnader til sakkunnig hjelp mot eigedomsinngrepet, gjelde. Departementet har merka seg at det ikkje er nokon som går mot dette. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-1 andre ledd.

Departementet er samd med Statens vegvesen og Avinor AS når det gjeld dekking av utgifter til advokat og anna rettshjelp i jordskiftedelen i slike saker. I jordskiftedelen er det ny eigedomsutforming som er det sentrale, ikkje erstatningsutmåling. Jordskiftedelen skal skipe dei eigedomstilhøva som utmålinga av erstatninga skal byggje på. I jordskiftedelen av slike saker vil partane ofte ha innbyrdes motstridande syn på kva som er den beste jordskifteløysinga. I jordskiftedelen av saka passer derfor ikkje skjønnsprosesslova § 54 andre ledd første punktum om felles juridisk og teknisk bistand til å ta vare på likearta interesser som ikkje står i innbyrdes strid.

Departementet viser til at jordskifteløysinga skal fylle dei kumulative vilkåra i lovforslaget §§ 3-2, 3-3 og 3-18 òg i tiltaks- og vernejordskifte. Praxis viser at jordskifte er aktuelt når den som står bak eigedomsinngrepet, eig areal som kan gå inn i jordskiftet. Etter lovforslaget § 3-22 har den som står bak eigedomsinngrepet, krav på at jordskifteløysinga skal føre til at han får det arealet eigedomsinngrepet gjeld. Departementet legg vekt på at i arbeidet med jordskifteløysinga er jordskifteretten eit uavhengig organ som i utgangspunktet har den beste kompetansen. Departementet kan ikkje sjå at partane har eit særleg behov for å sakkunnig hjelp til å kontrollere at desse vilkåra er oppfylte i slike saker.

I dei tilfella jordskiftedelen blir etterfølgd av ein skjønnsdel for utmåling av erstatning, vil skjønnsstemaet vere kva for «resttap» erstatninga skal dekkje. På sett og vis vil det vere ei vurdering av kor mykje erstatningskrevjande «restskade» og

«restulempe» som tiltaket påfører ein eller fleire av partane i tiltaks- eller vernejordskiftet etter at den endelege jordskifteløysinga er fastsett. Departementet meiner at når partane får erstatning for kostnader til rettshjelp i skjønnsdelen av saka etter vanlege reglar for skjønn, vil dei ha fått det vederlaget dei har krav på i samband med eigedomsinngrepet.

Departementet viser til at det må vere ein positiv regel i jordskiftelova for at retten skal kunne påleggje ein part å betale erstatning for kostnader andre partar har til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp. Departementet forslår ikkje nokon slik regel for jordskiftedelen i tiltaks- og vernejordskifte.

Departementet er samd med jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme om at ikkje er nødvendig å ha nokon regel om sakskostnader i grensesaker frå Utmarkskommisjonen i Nordland og Troms. Grunnen er at kommisjonen har avslutta sitt arbeid og alle attverande saker vil gå etter gjeldande jordskiftelov.

#### 13.5.2.3 Erstatning for kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp ved trekking og avvising av sak

##### 13.5.2.3.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår ikkje nokon eksplisitt regel om erstatning for kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp ved trekking av sak eller ved orskurd som avviser ei sak fordi formelle vilkår for å behandle saka ikkje er oppfylte. Det følger likevel av framstillinga i høyringsforslaget at det truleg er meininga at rekvirenten òg skulle kunne påleggjast å betale erstatning for nødvendige kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp i desse tilfella.

##### 13.5.2.3.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme, jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme, Sør-Trøndelag jordskifterett og jordskifteoverrettane* meiner at det bør vere eit skilje mellom avvising av prosessuelle grunnar og avvising av materielle grunnar. Dei meiner at det berre er ved avvising av prosessuelle grunnar at det skal vere mogleg å få erstatning for kostnader til rettshjelp. Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme er rimeleg representative for desse høyringsinstansane når dei mellom anna uttaler:

«I 1979-lova var det meininga at det berre var i tvist om det rettslege grunnlaget for fremme at det var mogleg å få tilkjent kostnader til retts hjelp. Retts praksis har endra dette.

Vi meiner at kostnader til rettshjelp ved tvist om fremme skal gjerast trongare og meir i samsvar med det som var meininga ved innføringa i 1979-loven. Det inneber at det berre er i tvist om avvisning på grunnlag av prosessuelle innvendingar som til dømes litispens, manglande rettslig interesse, partsevne, lovheimel og habilitet, at det skal vere mogleg å få tilkjent kostnader til rettshjelp. Dette er tilsvarende det som er absolutte prosessføresetnader i sivilprosessen. Det skal såleis ikkje vere mogleg å få tilkjent kostnader til rettshjelp (eller sakkunnig hjelp) i tvist om materielle innvendingar ved å fremme jordskifte. Materielle vurderingar etter gjeldande lov er om ikkje-tapsgarantien (§ 3 bokstav a) er oppfylt og om ein eigedom er utenleg (§ 1). Dette må gjelde både i forhold til om tvisten knyter seg til tolkinga av reglane eller den konkrete forståinga. Vi viser til orskurd i Eidsivating lagmannsrett, 2004-05-12, LE-2004-14 452.

Formålet med at det ikkje skal vere mogleg å få tilkjent kostnader til rettshjelp (eller fagsakkunnig hjelp) i tvist om materielle innvendingar ved fremme av jordskifte, er å redusere konfliktnivået i oppstarten på ei sak slik at sjølve problemløysingsprosessen får ein betre og meir konstruktiv start. Dette er eit grep som er tenleg i høve til arbeidsgruppas mål om å gjera spørsmålet om fremme mindre framtre dande. I denne samanheng kan det visast til eit nyleg avgjort fremmevedtak ved Øvre Buskerud jordskifterett. Kravet gjaldt avløyning av bruksrett til beite. I tvisten om det materielle grunnlaget for fremme vart det innlevert omkostningsoppgåve på kr 82 000 på den eine sida og kr 350 000 på den andre sida.»

#### 13.5.2.3.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at det skal vere like reglar for jordskifterett og for tingrett når det gjeld erstatning for kostnader til rettshjelp ved trekking av sak, og ved avvisning av sak fordi formelle vilkår for å behandle saka ikkje er oppfylte. Departementet er samd med høyringsuttalane som gjeld avvisning av sak på «prosessuelt grunnlag». Departementet meiner òg at dette er i samsvar med målet om harmonisering av reglane.

Departementet er samd med høyringsinstansane som seier at det bør vere eit skilje mel-

lom avvisning fordi formelle vilkår for å behandle saka ikkje er oppfylte, og avvisning av materielle grunnar. Avvisning av materielle grunnar er berre aktuelt i jordskifte etter lovforslaget kapittel 3. Avvisning av materielle grunnar av eit jordskifte har ikkje nokon parallell i tvistelova.

Departementet foreslår at det skal vere høve til å leggje erstatningsansvar for kostnader andre parter har på rekvirenten dersom jordskifte, rettsutgreiing eller grensefastsetjing avisast fordi formelle vilkår for å behandle saka ikkje er oppfylte. Vilkåra for dette må vere dei same som ved dom i tvist, jf. lovforslaget § 7-7 første ledd.

Dersom nokon av partane har pådradd seg kostnader til nødvendig rettshjelp eller anna sakkunnig hjelp før ei slik sak blir trekt, meiner departementet at det bør vere opning for at dei kan få erstatta desse kostnadene. Særleg vil det gjelde dersom ein påstand om avvisning kjem i forkant av at saka blir trekt, og kostnadene til rettshjelp er knytt til påstanden om avvisning. Departementet meiner i det heile at det ikkje bør vere nokon forskjell mellom tingretten og jordskifteretten når det gjeld kostnadsansvar i dei tilfella rekvirenten trekkjer ei sak. Departementet foreslår derfor at reglane i tvistelova kapittel 20 skal gjelde når rekvirenten trekkjer ei sak eller eit krav om sak frå jordskifteretten. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-9 andre ledd første punktum.

Departementet foreslår at dette òg må gjelde for krav om endra avgrensing av sak etter lovforslaget § 6-9. Departementet meiner at den som kjem med endringskrav, må ha same ansvar for kostnader som ein rekvirent. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-9 andre ledd andre punktum.

#### 13.5.2.4 Erstatning for kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp ved avvisning av jordskifte av materielle grunnar

##### 13.5.2.4.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å ta bort vedtaket om fremjing. Etter høyringsforslaget § 6-19 femte ledd bokstav a kan jordskifteretten berre avise eller fremje ei sak på materielt grunnlag etter særleg behandling av ein påstand om avvisning. Høyringsforslaget inneheld ikkje nokon eksplisitt regel om erstatning for kostnader til rettshjelp knytt til slik avgjerd. Etter gjeldande retts praksis kan den som tapar i avgjerda om fremje, bli pålagd å erstatte kostnader motparten har hatt til rettshjelp.

#### 13.5.2.4.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme, jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme, Sør-Trøndelag jordskifterett og jordskifteoverrettane* meiner at det berre er ved avvising av prosessuelle grunnar at det skal vere mogleg å få erstatning for kostnader til retts-hjelp.

Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme er rimeleg representative for desse høyringsinstansane. Høyringsutsegna er teken inn under punkt 13.5.2.3.2.

#### 13.5.2.4.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at avgjerd av påstand om avvising av jordskifte av materielle grunnar ikkje lenger skal vere grunnlag for tilkjenning av vederlag for kostnader til rettshjelp.

Departementet er samd med dei høyringsinstansane som uttaler seg. Departementet viser til at avvising av materielle grunnar berre er aktuelt for jordskifte, sjå lovforslaget §§ 3-2 og 3-3.

Departementet meiner derfor at utgangspunktet må vere at partane ikkje har krav på erstatning for kostnader til rettshjelp knytt til jordskifteavgjerda om avvising eller fremjing av eit jordskifte.

Departementet viser til at når vedtaket om fremjing ikkje blir gjort obligatorisk, er det grunn til å tru at spørsmålet om avvising ikkje kjem på spissen like ofte som etter gjeldande jordskiftelov.

Departementet har merka seg at det ikkje er nokon som tar til orde for å behalde rettspraksis når det gjeld erstatning for rettshjelp ved avvising av materielle grunnar.

Departementets forslag går fram av at lovforslaget § 7-9 ikkje inneheld nokon heimel for tilkjenning av vederlag for kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp ved avvising av materielle grunnar. Det inneber at hovudregelen i lovforslaget § 7-8 gjeld for slike kostnader.

## 13.6 Kostnader i saker etter lovforslaget §§ 5-2 og 5-3

### 13.6.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at dersom jordskifte fører til skjønn og andre avgjerder etter veglova, taubanelova og vannressurslova som del av eit jordskifte, skal kostnadene med skjønnet fordelast mellom partane i jordskiftet etter den nytten dei hadde av jordskiftet.

### 13.6.2 Høyringsinstansane

Når det gjeld kostnader med skjønn etter særlover i samband med jordskifte, meiner *Sør-Trøndelag jordskifterett* at kostnadsregelen er uklår. Denne jordskifteretten uttaler:

«Det antas at det er forutsatt at skjønn etter §§ 5-3 (veg, taubane) og 5-4 (grøfter, kanaler etc.) berører en eiendom utenom jordskiftet og at skjønnskostnadene dermed deles på jordskiftepartene som er å oppfatte som eksproprianter. Dette bør gå klarere fram og videre bør det klargjøres ellers at det er skjønnsprosessens kostnadsfordeling som gjelder i forholdet ekspropriant/ekspropriat. Alternativt kan det være en henvisning til det som er foreslått i § 7-5.»

### 13.6.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at dersom jordskifteretten må halde skjønn eller ta avgjerd etter lovforslaget §§ 5-2 og 5-3, og skjønnet eller avgjerda råkar ein eigedom som ligg utanfor jordskifteområdet, så skal eigaren av den råka eigedommen bli behandla etter reglane i skjønnsprosesslova når det gjeld saks-kostnader med skjønnet eller anna avgjerd. Dette er i samsvar med gjeldande rett på området. Departementet er samd med Sør-Trøndelag jordskifterett i at regelen om saks-kostnader for skjønn og andre avgjerder etter andre lover kan formulert klarare enn i høyringsforslaget. Departementet forstår elles forslaget til arbeidsgruppa på same måte som Sør-Trøndelag jordskifterett. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-10 første ledd.

Departementet foreslår at dei som er partar i sjølve jordskiftesaka skal dele kostnadene ved slike skjønn og andre avgjerder som nemnde i første ledd, etter den nytte dei har av det tiltaket eller den investeringa som skjønnet eller avgjerda gjeld. Dette går fram av lovforslaget § 7-10 andre ledd.

Ei liknande løysing er vald for kostnader ved felles investeringstiltak. Etter gjeldande jordskiftelov § 42 tredje ledd skal slike kostnader fordelast etter nytte. Denne føresegna blir ført vidare i lovforslaget § 3-28. Kostnader etter lovforslaget § 7-10 andre ledd kjem i tillegg til kostnader etter lovforslaget § 3-28.

Føresegnene i skjønnsprosesslova om saks-kostnader gjeld for skjønn og andre avgjerder som eiga sak. I tillegg har enkelte særlover eigne



reglar om kostnader ved slike skjønn og andre avgjerder.

### 13.7 Sakskostnader ved anke

#### 13.7.1 Høyringsforslaget

Høyringsforslaget inneheld ein eigen paragraf om kostnader ved bruk av rettsmiddel og ved gjenopning, jf. høyringsforslaget § 7-8.

Arbeidsgruppa foreslår at utgangspunktet skal vere at den som ankar ei jordskifteavgjerd, skal betale kostnadene etter høyringsforslaget § 7-1 ved ankebehandlinga i lagmannsretten, jf. høyringsforslaget § 7-8 første ledd første punktum. Dersom ankebehandlinga fører til at jordskifteavgjerda blir monaleg endra, foreslår arbeidsgruppa at kostnadene etter høyringsforslaget § 7-1 for behandlinga i lagmannsretten skal delast mellom partane etter nytten. Dette fører vidare gjeldande rett nedfelt i gjeldande jordskiftelov §§ 75 første til tredje ledd og 76 første ledd og rettspraksis, men tilpassa forslaget om bortfallet av jordskifteoverretten som sjølvstendig ankeinstans.

Arbeidsgruppa foreslår òg at ved anke over andre avgjerder enn jordskifteavgjerd, skal reglane for sakskostnader i tvistemålsloven kapittel 20 og reglane i rettsgebyrlova gjelde for ankebehandling i lagmannsretten. Dette fører òg vidare gjeldande rett tilpassa ny ankeordning.

Arbeidsgruppa foreslår ikkje nokon eksplisitt regel om erstatning for kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp knytt til orskurd som avviser ein anke fordi formelle vilkår for å ta opp anken ikkje er oppfylte. Det følgjer likevel av framstillinga i høyringsforslaget at det mest truleg var meininga at den ankande parten skal kunne påleggast å betale erstatning for nødvendige kostnader til rettshjelp dersom anken blir avvist fordi formelle vilkår for å ta opp anken ikkje er oppfylte.

Arbeidsgruppa foreslår òg at ankeinstansen skal gi nødvendige reglar om tilbakebetaling dersom anke over jordskifteavgjerd førte til endring i kostnader etter høyringsforslaget § 7-1, og dei alt er betalte. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 80 fjerde ledd.

#### 13.7.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler:

«Vi foreslår at overskrifta blir endra til : Fordeling av kostnader... Ordlyden i første ledd første punktum har vi endra til (omskrive samt at

første punktum i andre ledd er flytta hit): Ved anke over jordskifteavgjerd skal den som ankar, ta kostnadene etter § 7-1 dersom ikkje jordskifteavgjerda blir monaleg endra. Dersom jordskifteavgjerda blir monaleg endra gjeld § 7-3. Andre punktum i første ledd bør etter vår meining vere eit sjølvstendig ledd. Vi forstår ikkje kvifor det her i samband med reglar om fordeling er relevant å vise til rettsgebyrloven. Tilvisninga ligg allereie i § 7-3 i utkastet. I vårt endringsforslag har vi presisert ordlyden til For anke over andre avgjerder enn jordskifteavgjerder ... Andre ledd andre punktum høyrer logisk under § 7-3 i utkastet. Vi har flytta dette til siste punktum i femte ledd i vårt endringsforslag til § 7-2.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler:

«Første ledd, første setning må omskrives og dessuten settes i sammenheng med andre ledd. Det er mer naturleg å se at en anke i utgangspunktet medfører endring av en avgjørelse. Det bør derfor angis at det er kostnadsdeling etter nytte. Videre dersom anken ikke medfører «monaleg endring» skal ankende part dekke kostnadene.»

#### 13.7.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår i lovforslaget § 8-1 tredje ledd at ved anke over jordskifteavgjerd, skal reglane i den nye jordskiftelova kapittel 6 gjelde så langt dei høver. I tillegg skal tvistelova gjelde slik det går fram av paragrafane i lovforslaget kapittel 8 om rettsmiddel. Departementet foreslår i tillegg ein eigen regel i lovforslaget § 7-11 som regulerer ansvaret for kostnader ved anke over jordskifteavgjerd.

Departementet foreslår at hovudregelen framleis skal vere at den som ankar ei jordskifteavgjerd, skal bere kostnadene med ankebehandlinga i lagmannsretten. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 75 andre ledd sjølv om ordlyden er tilpassa forslaget til ny ankeordning. Ingen høyringsinstans har merknader til innhaldet i denne hovudregelen. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-11 første ledd første punktum.

Departementet foreslår at det framleis skal vere eit unntak frå hovudregelen dersom ankebehandlinga fører med seg ei monaleg endring i det påanka jordskiftet. Dette byggjer òg på gjeldande jordskiftelov § 75 andre ledd tilpassa ny ankeordning. Det er ikkje meininga å gjere endring i reali-

tetane sjølv om ordbruken er endra. Ingen høyringsinstans har merknad til innhaldet i denne unntaksregelen. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-11 første ledd andre punktum.

Departementet foreslår at den ankande parten skal forskottere kostnadene med ankebehandlinda dersom ei jordskifteavgjerd blir oppheva etter lovforslaget § 8-10 tredje ledd. Departementet foreslår òg at dei forskotterte kostnadene med ankebehandlinda skal reknast som ein del av kostnadene med den nye jordskifteavgjerda som jordskifteretten treff. Gjeldande jordskiftelov er taus om denne situasjonen. Forslaget er i samsvar med gjeldande rettspraksis. Praksis viser elles at oppheving ikkje er vanleg. I Frostating og Hålogaland jordskifteoverrettar er til saman berre to jordskifte oppheva dei siste 10 åra. Ingen høyringsinstans har ytra seg om dette. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-11 andre ledd.

Departementet foreslår at utgangspunktet skal vere at kvar part framleis skal bere eigne kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp for lagmannsretten. Forslaget er ei lovfesting av rettspraksis i jordskifteoverrettane. Rettspraksis går ut på at det berre er ved tap i spørsmålet om fremjing etter gjeldande jordskiftelov § 14 første ledd og ved dom i tvist etter § 17, at ein part kan tilkjennast dekning av kostnadene med rettshjelp og anna sakkunnig hjelp. Departementet viser til at lovforslaget avviklar ordninga med vedtak om fremjing, sjå kapittel 12.5. Dermed står ein att med dom i tvist. I tråd med dette foreslår departementet at lovforslaget § 7-9 første ledd skal gjelde for dom i tvist som lagmannsretten seier i tilknytning til behandling av anke over jordskifteavgjerd.

Departementet foreslår òg at ved trekking av anke og ved avvising av anke fordi formelle vilkår for å behandle saka ikkje er oppfylte, skal lovforslaget § 7-9 andre ledd gjelde. Dette er i samsvar med rettspraksis. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-11 tredje ledd.

## **13.8 Sakskostnader ved gjenopning**

### **13.8.1 Høyringsforslaget**

Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare at gebyret for krav om gjenopning skal vere fem gonger rettsgebyret. Arbeidsgruppa foreslår òg å føre vidare føresegna om at dersom kravet om gjenopning blir teken til følgje, skal det betalast gebyr som for ny sak. Endeleg foreslår arbeidsgruppa at dersom krav om gjenopning blir avvist, skal gebyret redusert frå fem til to gonger rettsgebyret.

Arbeidsgruppa foreslår inga endring i reglane om ansvar for kostnadene med ei sak etter at ho er gjenopna.

### **13.8.2 Høyringsinstansane**

*Domstoladministrasjonen (DA), jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme og Sør-Trøndelag jordskifterett* peiker alle på at gebyret for gjenopning bør vere seks gonger i staden for fem gonger rettsgebyret. DA formulerer seg slik:

«Dersom det tilstrebes en harmonisering med rettsgebyrloven, kan det synes å være en kollisjon mellom bestemmelsen i tredje ledd og første punktum i fjerde ledd. Gebyr for behandling av krav om gjenåpning etter rettsgebyrlovens § 8, sjuende ledd er i dag 6 R og ikke 5 R.»

Ingen uttaler seg om forslaget til redusert gebyr i dei tilfella krav om gjenopning ikkje fører fram. Det er heller ingen som uttaler seg om forslaget om å føre vidare reglane om ansvar for sakskostnader i gjenopna sak for jordskifterett.

### **13.8.3 Departementets vurderingar**

Departementet foreslår å føre vidare oppbygginga av reglane om sakskostnader ved gjenopning. I gjeldande jordskiftelov § 74 sjette ledd er det ein regel om gebyr for krav om gjenopning. I gjeldande jordskiftelov § 75 fjerde ledd er det reglar om deling av sakskostnader når krav om gjenopning blir teken til følgje. Ut over dette gjeld kapittel 8 i gjeldande jordskiftelov sjølv om det ikkje går direkte fram av nokon lovregel. Departementet meiner det er ein fordel å gjere dette tydeleg ved å seie rett ut i lovforslaget § 7-12 første ledd at reglane om sakskostnader i lovforslaget kapittel 7 gjeld med dei unntak som går positivt fram av lovforslaget § 7-12 andre og tredje ledd.

Departementet foreslår å auke gebyret for krav om gjenopning frå fem til seks gonger rettsgebyret. Departementet er samd med dei høyringsinstansane som seier at det bør vere same storleik på dette gebyret ved jordskifterett og ved tingrett. Departementet viser òg til at dette er i samsvar med målet om å harmonisere reglane for desse to domstolane.

Departementet foreslår at den som krev gjenopning, skal betale gebyret for krav om gjenopning. I gjeldande jordskiftelov § 74 sjette ledd heiter det at «For krav om gjenopning skal ein betale ...». I praksis er «ein» den som krev gjenopning.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-12 andre ledd første punktum.

Departementet foreslår at gebyret framleis skal reduserast til to gonger rettsgebyret dersom kravet om gjenopning blir avvist eller trekt før realitetsbehandling. Det fører vidare gjeldande jordskiftelov § 74 sjuande ledd. Dette samsvarar med rettsgebyrlova § 8 sjuande ledd første punktum som gjeld for tilsvarende tilfelle for tingrett. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-12 andre ledd andre punktum.

Departementet foreslår at det framleis skal vere slik at gebyret for krav om gjenopning skal kome i staden for inngangsgebyr etter lovforslaget § 7-2 første ledd dersom kravet blir teke til følge. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-12 andre ledd tredje punktum.

Departementet foreslår å føre vidare reglane om ansvar for sakskostnader i gjenopna sak for jordskifterett med nokre språklege endringar utan tilsikta realitetsendring. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-12 tredje ledd.

## 13.9 Andre reglar

### 13.9.1 Forskott

#### 13.9.1.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at jordskifteretten framleis skal kunne krevje forskott frå alle partane i sak etter høyringsforslaget kapittel 3 og §§ 4-1 og 4-2. Høyringsforslaget § 7-10 første punktum byggjer på gjeldande jordskiftelov § 80. Jordskifteretten skal kunne gjere dette etter at realitetsbehandlinga av saka er begynt, jf. høyringsforslaget § 7-10.

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 7-1 andre ledd at tiltakshavar framleis skal betale sideutgifter forskottsvis i tiltaksjordskifte. Det same gjeld for vernejordskifte og grensesak kravd av offentleg styresmakt med heimel til regulering av eigarrådvelde. Forslaget byggjer på gjeldande jordskiftelov § 74 andre ledd andre til fjerde punktum.

Arbeidsgruppa foreslår ikkje å føre vidare regelen i gjeldande jordskiftelov § 79 om at rekvirenten skal kunne påleggjast å betale forskott på sakskostnader allereie i samband med at krav om jordskifte, rettsutgreiing eller grenseingang kom inn til jordskifteretten.

Arbeidsgruppa foreslår å føre vidare regelen om at rekvirenten skal betale inngangsgebyret. Dette forslaget er behandla i kapittel 1.3.1 over.

Arbeidsgruppa foreslår ein eigen regel om sikring av kostnader. Regelen fører vidare innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 79 om å gi «trygd for dei kostnadene som etter eit førebels overslag ville falle på partane.» Forslaget til arbeidsgruppa er ei rein tilvising til at tvistelova § 20-11 gjeld.

Arbeidsgruppa foreslår òg å føre vidare heime-len jordskifteretten har i gjeldande jordskiftelov § 80 tredje ledd til både å kunne rekne rente av innbetalte forskott, og til å fastsetje storleiken på denne renta.

#### 13.9.1.2 Høyringsinstansane

Det er berre jordskifterettane i *Eidsivating jordskiftedømme* som uttaler seg om forskottsreglane. Dei meiner at reglane om forskott må bli betre samla for å få ei meir logisk rekkefølge på paragrafane. Ingen høyringsinstans uttaler seg om rente på forskott.

#### 13.9.1.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår å samle reglane om forskott i lovforslaget § 7-13. Departementet er såleis samd med jordskifterettane i *Eidsivating jordskiftedømme*.

Departementet foreslår at jordskifteretten framleis skal kunne krevje forskott frå rekvirenten for å dekkje sakskostnader etter lovforslaget § 7-1. Dette skal gjelde for jordskifte, rettsutgreiing og grensefastsetjing. Det fører vidare innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 79 første punktum sjølv om det er nokre endringar i ordlyden. Det er same prinsipielle løysing som gjeld for tingretten, jf. rettsgebyrlova § 3 første ledd. Departementet kan ikkje sjå at det treng vere prinsipiell forskjell på dette området. I praksis vil det kunne vere forskjell i kva som fell inn under sakskostnadene i høvesvis tingrett og jordskifterett.

Det følgjer av rettsgebyrlova § 3 første ledd andre punktum at forskottet kan fastsetjast utan at ein kjenner det eksakte beløpet. Når rettsgebyrlova § 3 blir gjort gjeldande, er det ikkje behov for å føre vidare formuleringa i gjeldande jordskiftelov § 79 første punktum om «førebels overslag». Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-13 første ledd første punktum.

Departementet foreslår at jordskiftelova ikkje skal innehalde ein eigen regel om sikring av saks-kostnader når innhaldet i regelen berre vil vere ei tilvising til tvistelova § 20-11. Departementet viser til at lovforslaget § 6-1 andre ledd bokstav o gjer tvistelova § 20-11 gjeldande så langt han høver. Tvistelova § 20-11 høver for sikring av dei aktuelle

kostnadene. Departementet kan heller ikkje sjå at ein slik tilvisingsregel om eit såpass spesielt tema inneheld informasjon av nemnande interesse for partane. Da er det meir aktuelt at den som får pålegg om å betale forskott, blir gjort merksam på alternativet i kravbrevet. Lovforslaget inneheld ingen eigen regel om sikring av kostnader.

Departementet foreslår at jordskifteretten framleis skal kunne krevje forskott av andre partar enn rekvirenten. Slik er det etter gjeldande jordskiftelov § 80 første ledd. Hovudregelen for deling av sakskostnader etter lovforslaget § 7-1 i jordskifte, rettsutgreiing og grensefastsetjing, er at dei skal delast etter nytten, sjå lovforslaget § 7-6 første ledd. Da er det ikkje rimeleg at rekvirenten skal forskottere alle sakskostnadene. Departementet meiner at det er eit gode å kunne fordele sakskostnader allereie mens saka går føre seg. Departementet meiner derfor det er nødvendig å føre vidare heimelen til å kunne krevje forskott frå alle partane i slike saker.

Ei slik løysing gjer at jordskifteretten både kan krevje forskott frå rekvirenten og frå dei andre partane. Departementet er ikkje kjent med at gjeldande reglar om forskott har valda problem. Departementet kan derfor ikkje sjå at desse reglane om forskott skal valde problem i framtida heller. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-13 første ledd andre punktum.

Departementet foreslår at det framleis skal vere slik at dersom rekvirenten ikkje betaler forskottet, skal kravet om sak bli avvist. Det følgjer av rettsgebyrlova § 3 sjette ledd andre punktum. Denne føresegna erstattar gjeldande jordskiftelov § 79 tredje punktum. Det er ikkje meininga at dette skal føre til endringar i realitetane. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-13 første ledd tredje punktum.

Departementet foreslår at det framleis skal vere slik at jordskifteretten kan krevje inn forskott på sideutgifter frå tiltakshavar i tiltaksjordskifte, frå vernemyndigheita i vernejordskifte og frå vernemyndigheita i grensefastsetjing etter lovforslaget § 4-2 første ledd bokstav f. Departementet viser til at rettsgebyrlova § 3 første ledd første punktum òg femner om forskott på sideutgifter. Denne føresegna erstattar gjeldande jordskiftelov § 74 andre ledd andre til fjerde punktum. Det er ikkje meininga at dette skal føre til endringar i realitetane.

Erfaring viser at det praktisk talt alltid har vore høvesvis tiltakshavar og vernemyndigheita som har kravd slike saker. Om det unntaksmessig skulle kome krav om slik sak frå andre, vil retten kunne bruke heimelen i lovforslaget § 7-13 første

ledd andre punktum slik at behovet for forskottsvis dekking av sideutgifter da skulle vere ivareteke. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-13 første ledd tredje punktum.

Departementet foreslår at jordskifteretten framleis skal kunne bestemme at det skal reknast rente av innbetalte forskott. Det fører vidare gjeldande jordskiftelov § 80 tredje ledd. Det er vanleg å setje forskottet inn på renteberande konto i bank. Departementet foreslår ikkje å føre vidare at retten skal kunne fastsetje rentefoten. Departementet legg til grunn at renta skal fastsetjast på vanleg måte gjennom avtale mellom retten og banken. Det er rekneskapsmessig rett at renta på forskott godskrivas den som har betalt. Departementet viser til at Riksrevisjonen fører tilsyn med rekneskapen til jordskifterettane. Departementet legg òg til grunn at lovforslaget § 7-11 andre ledd ikkje inneber pålegg om endring i praksisen som er etablert og akseptert av Riksrevisjonen i den enkelte jordskifterett med omsyn til å velje å rekne rente. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-13 andre ledd.

### 13.9.2 Betalingsfrist

#### 13.9.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at jordskifteretten skal kunne fastsetje betalingsfristen for sakskostnader eller at fristen skulle vere 14 dagar etter at den kravet er retta mot, er gjort kjent med pålegget om å betale. I høve til gjeldande jordskiftelov § 80 andre ledd er dette ei nedkorting av betalingsfristen med ein dag. Det er ei nedkorting med ei veke i høve til fristen på tre veker for betaling av forskott etter gjeldande jordskiftelov § 79.

Arbeidsgruppa foreslår òg å føre vidare regelen om at dersom rekvirenten ikkje held betalingsfristen, blir det rekna jamgodt med at han har kalla kravet tilbake.

#### 13.9.2.2 Høyringsinstansane

Ingen høyringsinstans kjem med synspunkt på forslaga om lengda på fristen.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme og Domstoladministrasjonen (DA)* meiner at høyringsforslaget § 7-12 andre ledd kan oppfattast slik at manglande innbetaling av forskott undervegs i ei sak fører til at saka blir trekt. Dei meiner at det må gå klart fram at det berre er manglande innbetaling frå rekvirenten i forkant av realitetsbehandling av saka, som skal føre til at saka skal reknast som trekt.

*Sør-Trøndelag jordskifterett* meiner høyringsforslaget § 7-12 andre ledd er ein saksbehandlingsregel som passer betre i saksbehandlingskapitlet, enn i kapitlet om sakskostnader.

DA kjem med ein merknad knytt til manglande innbetaling av forskott undervegs i ei sak. DA meiner at dette kan avreknast når saka slutast.

### 13.9.2.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at betalingsfristen til vanleg skal vere 14 dagar. Departementet foreslår òg at jordskifteretten skal kunne fastsetje ein annan frist. Da blir regelen tilstrekkeleg fleksibel. Departementet viser til at betalingsfristen er 14 dagar for dei vanlege domstolane. Departementet kan ikkje sjå at det treng vere nokon forskjell mellom jordskifteretten og tingretten når det gjeld betalingsfrist. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-14 første ledd.

Departementet foreslår at det berre er manglande betaling frå rekvierten i forkant av realitetsbehandling av saka, som skal føre til at sakskravet kan reknast som trekt tilbake. Det er i samsvar med gjeldande jordskiftelov § 79 tredje punktum. Departementet er samd med Domstoladministrasjonen (DA) og jordskifterettane i Agder jordskiftedømme i at det er på dette stadiet at manglande betaling kan få slikt resultat. Dette er aktuelt for manglande betaling av inngangsgebyret etter lovforslaget § 7-2 og av gjenopningsgebyret etter lovforslaget § 7-12 andre ledd første punktum. Det er òg aktuelt med forskott etter lovforslaget § 7-13 første ledd første punktum. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-14 andre ledd.

Departementet er samd med DA i at avrekning av manglande forskott undervegs i ei sak, kan utstå til saka blir avslutta. Departementet er ikkje kjent med at manglande innbetaling av forskott undervegs i sak, har valda nemnande problem. Departementet kan ikkje sjå at det er noko i lovforslaget som skulle endre på dette.

Departementet viser elles til at lovforslaget § 7-13 tredje ledd slår fast at rettsgebyrlova § 3 gjeld for jordskifteretten så langt han høver. Det inneber at krav på betaling frå andre enn stat, fylkeskommune eller kommune er tvangsgrunnlag for utlegg. Dersom det skulle bli nødvendig, kan jordskifteretten drive inn forskott på den måten. Sidan det mest truleg vil vere lite behov for å bruke denne regelen, meiner departementet det ikkje er nødvendig med ei eksplisitt tilvising til dette i kapitlet om sakskostnader i jordskiftelova.

Lovforslaget inneheld ikkje egne reglar om konsekvensar av manglande innbetaling av forskott undervegs i jordskifte, rettsutgreiing eller grensefastsetjing.

## 13.9.3 Statens erstatningsansvar

### 13.9.3.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår at staten skal ha same ansvar for sakskostnader i sak for jordskifterett som i sak for tingrett. Forslaget er nytt.

Arbeidsgruppa foreslår òg å føre vidare ansvaret staten har for feil som blir avdekka ved gjennomsyn. Høyringsforslaget § 8-10 fører vidare gjeldande jordskiftelov § 78.

### 13.9.3.2 Høyringsinstansane

*Statens Kartverk* uttaler:

«Blir det gjort rettinger som krever endringer i matrikkelen, bør staten dekke kostnadene med retting i matrikkelen.»

Det er ingen andre som har merknader til kva for ansvar staten skal ha for feil gjort av jordskifteretten.

### 13.9.3.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at staten skal ha same ansvar for sakskostnader i sak for jordskifterett som i sak for tingrett. Departementet har merka seg at det ikkje er nokon som går mot dette. Departementet viser til at ordninga med gjennomsyn ikkje blir ført vidare. Dermed er det ikkje lenge behov for å ha ein eigen erstatningsregel knytt til gjennomsyn.

Departementet er samd med Statens Kartverk i at dersom feil forårsaka av jordskifteretten fører til endringar i matrikkelen, så skal staten betale gebyret for matrikkelføring. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-15.

## 13.9.4 Panterett for pålagt kostnad og yting

### 13.9.4.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår å føre ordrett vidare regelen i gjeldande jordskiftelov § 91 andre ledd om panterett i eigedommen eller bruksretten for kostnad eller yting som jordskifteretten har lagt på eigar eller bruksrettshavar. Regelen er teke inn i høyringsforslaget § 6-28 andre ledd.

#### 13.9.4.2 Høyringsinstansane

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler:

«Kva er det slik sak syner til? Eigar og bruksrettshavar er ikkje heilt dekkande og bør bli endra til part eller partar i sak for jordskifterett. Panterett i eigedommen eller i bruksretten er ikkje dekkande. Panterett i ein bruksrett kan vel neppe tenkjast anna enn dersom den er særskilt matrikulert. Vi tilrår at matrikkeleining blir brukt.»

*Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler:

«Vi slutter oss til forslaget fra Eidsivating om følgende tekst i første setning. «Kostnad eller yting som partar blir pålagde av jordskifteretten (alt: i jordskiftesak), får ved tinglysing panterett i vedkomande part si matrikkeleining. ...»

#### 13.9.4.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår å føre vidare innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 91 andre ledd. Departementet forstår høyringsinstansane slik at dei er samde i at innhaldet i gjeldande jordskiftelov bør førast vidare. Departementet er i det alt vesentlege samd med høyringsinstansane i at ordbruken bør endrast, og i den grunngevinga dei kjem med.

Departementet foreslår å flytte regelen frå kapitlet om ymse reglar i gjeldande jordskiftelov, til kapitlet om sakskostnader i lovforslaget fordi dette er ein regel som i hovudsak er knytt til pålegg av kostnad. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 7-16.

### 13.9.5 Sakskostnader ved rettsforlik

#### 13.9.5.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i ei konkret lovfesting i høyringsforslaget § 7-13 andre ledd at tvistelova § 19-11 fjerde ledd skal gjelde for sakskostnadene med å få i stand rettsforliket. Den føreseigna lyder:

«Har forliket ikke bestemmelser om fordeling av sakskostnadene, skal retten på begjæring fra partene avgjøre spørsmålet etter skjønn.»

Den konkrete lovfestinga er ny, men i realiteten blir gjeldande rett ført vidare.

#### 13.9.5.2 Høyringsinstansane

Ingen høyringsinstans uttaler seg om sakskostnader ved rettsforlik.

#### 13.9.5.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at lovforslaget kapittel 7 ikkje skal innehalde ein eigen regel om sakskostnader ved rettsforlik. Lovforslaget § 6-1 andre ledd bokstav o gjer dei aktuelle føresegnene i tvistelova gjeldande, og § 6-26 fjerde ledd har reglar om at retten skal avgjere fordelinga av sakskostnader når partane krev det.

### 13.9.6 Bortfall av regresskrav mot leigar og av egne reglar om kostnader for minneleg jordskifte

#### 13.9.6.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa forslår å ta bort heimelen i gjeldande jordskiftelov § 77 om at leigar eller andre med liknande rett har plikt til å gi eigaren vederlag for jordskiftekostnader og andre kostnader som jordskiftet fører med seg.

Heimelen til å gi attest for minneleg jordskifte blir ikkje ført vidare i høyringsforslaget. Da forsvinn òg behovet for egne reglar om sakskostnader for minneleg jordskifte.

#### 13.9.6.2 Høyringsinstansane

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme og jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* er samde i forslaget om å ta bort heimelen i gjeldande jordskiftelov § 77. *Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* viser til at dette er ein regel dei aldri har brukt.

Ingen høyringsinstans er mot å ta denne regelen ut av jordskiftelova.

Høyringsinstansane uttaler seg om minneleg jordskifte, men ikkje konkret om sakskostnadene ved denne type sak.

#### 13.9.6.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår ikkje å føre vidare gjeldande jordskiftelov § 77. Departementet er samd med høyringsinstansane i dette.

Når det gjeld minneleg jordskifte, viser departementet til kapittel 8.36.1.

## 14 Rettsmiddelordninga

### 14.1 Rettsmiddelinstans for avgjerdene til jordskifteretten

#### 14.1.1 Høyringsforslaget

Eit viktig endringsforslag frå arbeidsgruppa er forslaget om endringar i rettsmiddelordninga. Forslaget inneber i hovudsak at ein endrar gjeldande ordning med anke til anten jordskifteoverretten eller lagmannsretten, til ei ordning der det berre er ein ankeinstans for anke over alle typar avgjerder i jordskifteretten. Gjeldande rettsmiddelordning er omtalt i kapittel 3.3.7. Behovet for endringar er behandla i kapittel 5.3.5.

Gjeldande føresegner om rettsmiddel står i jordskiftelova kapittel 7. Anke over dom, rettsfastsetjande vedtak og visse skjønn går til lagmannsretten, sjå §§ 17, 17 a, og 6 b. Der det ikkje går fram av lova at ankeinstansen er lagmannsretten, skal anken gå til jordskifteoverretten, sjå gjeldande jordskiftelov § 61 siste ledd. Der anke går til lagmannsrett, følgjer ankebehandlinga reglane i tvistelova. Ved anke til jordskifteoverrett gjeld reglane i jordskiftelova, supplert av føresegner i tvistelova, og i nokre saker visse føresegner i skjønnsprosesslova.

Arbeidsgruppa viser til mandatet for lovarbeidet, der det er fastsett at tvistelova, skjønnsprosesslova eller annan prosesslovgiving skal liggje til grunn for lovforslaget, så sant det ikkje er behov for særlege løysingar i den nye jordskiftelova. Arbeidsgruppa understrekar i høyringsnotatet kapittel 5.11.5 det gruppa meiner må vere hovudformål med rettsmiddelordninga:

«Formålet med retten til å anke er i første rekkje å ta vare på rettstryggleiken for partane. Også målet i tvisteloven om å tillegge proporsjonalitetsomsynet større vekt enn tidlegare slik at kostnadene ved behandlinga må stå i eit rimeleg forhold til det saka gjeld, er relevant ved avveginga av framtidig løysing. Valet av ny ankeinstans må derfor byggje på at ankeinstansen skal ha ei samansetting som tar vare på rettstryggleiken og omsynet til systemkon-

troll, anten det er juridiske eller jordskiftefaglege spørsmål som gjer seg gjeldande i saka.

Utfordringa er å finne fram til ei løysing som så langt råd er, ligg nær opp til ordinære prosessreglar i sivile saker, som er brukarvennleg og effektiv med omsyn til tidsbruk, kostnader og organisering, samtidig som behovet for å få prøvt viktige spørsmål i to instansar, blir ivaretatt. Valet av løysing er ikkje opplagt.»

Arbeidsgruppa peikar på at løysinga bør vere så enkel som mogleg, og fjerne usikkerheit om kva som er rett ankeinstans. Samstundes må ordninga vere dimensjonert etter sakstilfanget, og ikkje avvike meir enn nødvendig frå annan prosesslovgiving. Arbeidsgruppa meiner at særreglar vil vere nødvendige for prøvinga av jordskiftesaker og krav om gjennomsyn på grunn av feil ved kart, utrekningar eller målearbeid med vidare.

Arbeidsgruppa vurderer tre alternative løysingar for anke i saker etter jordskiftelova, med fleire alternative løysingar under dei tre hovudalternativa:

«Alternativ I: Anke i alle saker etter jordskiftelova går til jordskifteoverretten eller ein liknande instans. Anten slik at

- delar av jordskifteoverretten si avgjerd kan bli overprøvd av lagmannsretten eller,
- jordskifteoverretten si avgjerd kan bli overprøvd gjennom anke til Høgsterett.

Løysinga kan bli modifisert ved at ein innanfor dette utgangspunktet vel ei samansetting i rettsfastsetjande saker, og ei anna i rettsendrandsaker. Eit alternativ til dette er at jordskifteoverretten blir styrkt med ein juridisk dommar.

Alternativ II: Anke i alle saker går til lagmannsretten. Jordskifteoverrettane blir nedlagde, eller omstrukturerte slik at dei kan tene lagmannsretten i arbeid med ankesakene. Retten blir sett saman:

- etter føresegnene i domstoloven § 12 med tre juridiske dommarar,
- med to juridiske dommarar og ein jordskifteoverdommar,

- c. som ein overskjønnsrett etter skjønnsprosesslova § 34 andre og tredje ledd, der ein av meddommarane er jordskiftelagdommar,
- d. med to juridiske dommarar, ein jordskifteoverdommar pluss meddommarar.

Løysinga kan bli modifisert ved at ein innafor dette utgangspunktet vel ei samansetjing i rettsfastsetjande saker, og ei anna i rettsendrande saker.

Alternativ III: Lagmannsrett og jordskifteoverrett blir behaldne, men med nokre endringar i fordelinga av sakene, og med enklare reglar for kva for spørsmål som går til kvar instans. Eventuelt kan alle ankesaker gå til ein eigen instans som har som oppgåve å sørgje for at saka kjem til rett ankedomstol.»

I drøftinga av dei ulike alternativa legg arbeidsgruppa mellom anna til grunn at faren for å velje feil instans blir borte om det berre er ein instans. Det er elles grunn til å referere nokre punkt frå vurderingane av alternativa i høyringsnotatet.

Det er vist til at alternativ I vil gi eit enkelt system. Jordskifteoverretten vil få ei auka saksmengd slik at fagmiljøet i jordskifteoverretten styrkast. Ei ulempe ved løysinga vil vere at saker som kan gå både for jordskifteretten og tingretten (rettsfastsetjande avgjerder og skjønn) får ulikt løp i ankeomgangen avhengig av om saka er reist for tingretten eller jordskifteretten. Denne ulempa kan reduserast om jordskifteoverretten blir sett saman med både jordskiftedommar og juridisk dommar henta frå lagmannsretten.

Det er òg vist til at alternativ II fører til at alle saker blir behandla av same prøvingsinstans. I høyringsnotatet er løysinga omtala som brukarvennleg, og det er peika på at ho kan redusere tidsbruk og kostnader i høve til dagens organisering. I høyringsnotatet er det vist til at løysinga likevel ikkje er eigna til å sikre tenleg overprøving av rettsendrande avgjerder, fordi lagmannsretten ikkje er sett med jordskiftekompetanse. Denne ulempa kan avbøtast ved at ein av dommarane i retten blir erstatta av ein jordskiftelagdommar. Ei anna ulempe som er påpeika er at ankeinstansen blir sett saman forskjellig avhengig av om saka er reist for tingretten eller for jordskifteretten.

I høyringsnotatet er det vist til at alternativ III vil føre til at jordskiftefaglege spørsmål kan prøvast slik dei blir det i dag. Ulempa ved å føre vidare det tospora systemet i gjeldande jordskiftelov, er likevel til stades. Dette kan reduserast ved klarare reglar og betre systematisering av dei ulike avgjerdsformene, eller ved at det blir opp-

retta ein eigen instans med oppgåve å fordele sakene til rett ankedomstol. I høyringsnotatet er det lagt til grunn at løysinga truleg på same måte som i gjeldande jordskiftelov, vil krevje mange særreglar i jordskiftelova for å løyse saksgangen mellom dei ulike instansane.

Arbeidsgruppa konkluderer med at det tospora systemet ikkje kan førast vidare uendra. Arbeidsgruppa viser til at eit delt system alltid vil føre til ulemper, serleg for partane saka gjeld. Arbeidsgruppa legg elles til grunn at ein ankeinstans som er sett saman likt i alle saker, heller ikkje ville vere tenleg. Arbeidsgruppa meiner at omsynet til rettstryggleiken tilseier at avgjerda bør takast av dommarar med rett kompetanse i høve til det anken gjeld. Det same omsynet taler for å setje retten saman på ein slik måte at kostnadene ved ankebehandlninga ikkje blir for store sett i høve til det anken gjeld. Samla taler dette for at det bør leggjast til rette for at samansetjinga kan veksle både i høve til ulike sakstypar og i høve til kva for avgjerd som det er anka over.

Ved å ta utgangspunkt i avgjerdstypane, foreslår arbeidsgruppa å skipe ein felles ankeinstans bygd på dei organisatoriske modellane i alternativ II. Anke bør gå til lagmannsretten, men samansetjinga av retten i den konkrete saka vil variere ut frå kva type avgjerd som skal overprøvast, jf. høyringsforslaget §§ 8-1 andre ledd og 8-2.

På bakgrunn av innspel undervegs i lovarbeidet, utarbeidde arbeidsgruppa som ein illustrasjon òg eit alternativt forslag, sjå vedlegg 2 til høyringsnotatet. Alternativet fører vidare gjeldande system med lagmannsrett og jordskifteoverrett, og er elles berre ulikt forslaget til arbeidsgruppa i den grad ei tospora ordning vil gjere det nødvendig.

Om organisatoriske spørsmål knytt til ankeløysinga uttaler arbeidsgruppa mellom anna:

«Anten gjeldande ankeløysing blir behalden, eller om ein vel arbeidsgruppa sitt forslag om at jordskifteoverretten går inn i lagmannsretten, er det knytt organisatoriske spørsmål til kor mange domstolar med ankekompetanse som skal vere fordelt over landet, eventuelt om ein skal ha ein landsdekkjande ankeinstans. Det har vore eit stort engasjement knytt til desse spørsmåla.

Arbeidsgruppa meiner at det er ønskeleg med ein nærare organisatorisk prosess som tar sikte på å løyse spørsmål av denne karakteren, ein prosess som ikkje høyrer inn under arbeidsgruppa sitt mandat. Prosessen er aktuell anten jordskifteoverretten blir ein del av lag-



mannsretten eller ikkje. I høyringsnotatet her har arbeidsgruppa derfor som mål at lovendingane som blir foreslått, ikkje skal stå i vegen for gjennomføringa av ein slik prosess.»

Arbeidsgruppa gir likevel eit overordna bilete av dei alternativa som ein meiner kan vere aktuelle, jf. høyringsnotatet kapittel 5.11.5.

#### 14.1.2 Høyringsinstansane

*Høyesterett* uttaler til alternativ 1 b i høyringsnotatet:

«Som ett av flere alternativ har arbeidsgruppen vurdert en løsning hvor jordskifteoverrettene beholdes, og hvor deres avgjørelser kan ankes direkte til Høyesterett, jf alternativ I b), omtalt på side 112 i høyringsnotatet. Dersom jordskifteoverrettene beholdes, bør det ut fra Høyesteretts rolle som prejudikatdomstol ikke etableres en ordning med direkte anke til Høyesterett.»

*Justisdepartementet* uttaler følgjande:

«Justisdepartementet har ikke prinsipielle innvendinger mot at lagmannsretten blir ankeinstans for alle avgjørelser truffet av jordskifteoverrettene, og at jordskifteoverrettene dermed avvikles og inkorporeres i lagmannsrettene. Vi støtter forslaget om at alle avgjørelsesformer nevnt i lovutkastet § 6-19 skal kunne ankes, og at ankereglene så langt det er mulig, legges nært opp til tvisteloven og skjønnsprosessloven. Dersom denne endringen gjennomføres, støtter vi forslaget om at tittelen «jordskifteverdommer» endres til «jordskiftelagdommer»

*Samferdselsdepartementet* viser til brev frå *Statens vegvesen* som uttaler:

«Den største innholdsmessige endringen er at ordningen med overjordskifte er foreslått opphevet. I stedet går man inn for en ordning der alle ankesaker blir behandlet av lagmannsretten. I den grad det ut fra sakenes karakter er behov for særskilt sakkyndighet innenfor jordskifte under ankebehandlingen, foreslår man en ordning med at personer med jordskiftedommerkompetanse trekkes inn som dommere i lagmannsretten. Når det gjelder tiltaksjordskifte, som er de eneste saker etter jordskifteloven som jevnlig involverer Statens vegvesen, vil ankeordningen som foreslås inne-

bære at alle sider ved jordskifterettens avgjørelse vil kunne overprøves. I forhold til nåværende ordning, der kun avgjørelsen i skjønnsaken kan bli gjenstand for overprøving, ser Vegdirektoratet dette som en klar forbedring.»

*Domstoladministrasjonen* uttaler:

«Arbeidsgruppa foreslår å inkorporere jordskifteoverrettene i lagmannsrettene. DA slutter seg til dette under forutsetning av at lagmannsrettene blir tilført jordskiftefaglig kompetanse, at det tilføres økte ressurser til lagmannsrettene i forbindelse med ny lov, og at lagmannsrettene ved anke på jordskifteavgjørelser settes med og ledes av en jordskiftelagdommer. Hovedbegrunnelsen for DA sitt standpunkt, er hensynet til brukerne. Arbeidsgruppas forslag innebærer at partene slipper å forholde seg til to ankeinstanser, og at man unngår å anke til feil instans. Det er videre grunn til å tro at man gjennom forslaget vil få en mer kostnadseffektiv og rasjonell ankebehandling enn ved dagens ordning.»

*Agder lagmannsrett* uttaler:

«Et hovedspørsmål under arbeidet med lovutkastet har vært utformingen av rettsmiddelordning, hvor ulike alternativer til dagens to-sporede system har vært grundig vurdert. Jeg har blitt stående ved at en sammenslåing av jordskifteoverretten og lagmannsretten, slik det er kommet til uttrykk i det prinsipale utkastet til § 8-1 annet ledd, er den beste løsningen. Dette standpunktet har også bred oppslutning blant dommere og saksbehandlere i Agder lagmannsrett etter å ha vært gjenstand for grundig intern behandling i høst i forbindelse med uttalelsen vi har avgitt til Domstoladministrasjonen med foreløpige synspunkter på de organisatoriske spørsmålene.

En felles rettsmiddelinstant vil være en vesentlig forenkling for brukerne av jordskifteretten og en klar forbedring i forhold til dagens ordning, hvor valget av rettsmiddelinstant undertiden kan by på tvil. Disse usikkerhetsmomentene ville riktignok kunne reduseres sterkt ved mer presis og omhyggelig utformete regler om formene for rettens avgjørelser som koblingspunkt mellom behandlingsreglene i førsteinstans og reglene om rettsmidler. Lovutkastets § 6-19 er et godt bidrag.

Lagmannsretten, forsterket med dommere med jordskiftefaglig kompetanse, vil være en

robust rettsmiddelinstans, som med den fleksibilitet det er lagt opp til i reglene om rettens sammensetning og saksbehandlingsreglene for øvrig, vil kunne sikre en faglig god og rettsikker overprøving av alle avgjørelser av jordskifterettene. Det vises til arbeidsgruppens drøftelse i utredningen punkt 5.11.5.»

*Borgarting lagmannsrett og Hålogaland lagmannsrett* har gitt merknader til uttalen frå Agder lagmannsrett. Borgarting lagmannsrett sluttar seg fullt ut til uttalen, medan Hålogaland lagmannsrett sluttar seg i det vesentlege til henne.

*Jordskifteoverrettane* uttaler i felles høyringsuttale:

«Vi vil gi vår tilslutning til hovudlinjene i det prinsipale forslaget til ny rettsmiddelordning, som bygger på at lagmannsretten blir ankeinstans for alle avgjerder tatt av jordskifterettane. Det er ein føresetnad frå vår side at lagmannsrettane blir tilført jordskiftekompetanse i tråd med framlegget, og at ein derfor kan sjå på den nye rettsmiddelinstansen som ein «fusjon» mellom lagmannsrett og jordskifteoverrett.»

Og vidare:

«Vi er samde i at dagens system bør forenklast med omsyn til kor mange ankeinstansar ein skal ha. Av dei tre alternativa som er skissert i høyringsnotatet på side 112, går vi inn for alternativ II der jordskifteoverretten blir fusjonert med lagmannsretten. Vi ser det som den mest realistiske løysninga. Vidare blir dette den beste løysninga for partane og det gir grunnlag for ei god og fagleg forsvarleg handsaming av anke over jordskifteretten sin ulike avgjerder. Vi trur at både den noverande lagmannsrett med juridiske dommarar og jordskifteoverrett med jordskiftkandidatar som dommarar, vil ha gjensidig nytte av den kompetanseutvidinga ein slik fusjonert domstol vil få. Vi meiner dette kan bli sett på som ein kvalitetsreform.»

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* uttaler følgjande:

«Vi er samd i at det blir lagt opp til ei forenkla rettsmiddelordning, der lagmannsretten er ankeinstans for alle avgjerder tatt av jordskifteretten. Vi er ikkje samd i den samansettinga av lagmannsretten som er foreslått i høyringsuttaket. Vilkåret må vere at ankedomstolen vert styrka med jordskiftekompetanse. Ved anke

over jordskifteavgjerd, rettsfastsetjing og ved krav om overskjønn skal retten bli sett med ein jordskiftelagdommar.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* uttaler følgjande:

«Arbeidsgruppa har valgt å ikke videreføre det gjeldende tosporede ankesystemet, og foreslår at jordskifteoverrettene blir fusjonert inn i lagmannsrettene. Vi stiller oss bak forslaget, men har noen merknader til enkelte deler av det.»

*Jordskifterettsleiarane i Frostating jordskiftedømme* og dei tilsette ved *Sør-Trøndelag jordskifterett* uttaler at «ankeinstansen må være lagmannsretten, ingen merknader».

*Høgskolen i Bergen* uttaler:

«Innledningsvis kan en bemerke at høyringsnotatet på enkelte områder er svært godt drøftet og argumentasjonen viser at det er gjort en balansert avveining mellom de ulike alternativene. En vil i den sammenheng særlig trekke frem punkt 5.11.5 «Val av ankeinstans». Høgskolen i Bergen vil på dette området støtte arbeidsgruppens konklusjoner.»

*Norges Bondelag* uttaler:

«Norges Bondelag er tilfreds med at det er foreslått forenklinger i rettsmiddelordningen. Dagens regler er uklare og medfører ekstra kostnader når samme sak splittes mellom to ulike ankeinstanser. Norges Bondelag støtter forslaget om at anke over alle avgjørelser fra jordskifteretten bør gå til lagmannsretten. Norges Bondelag støtter vidare forslaget om at lagmannsretten bør forsterkes med en jordskiftelagdommer der det er hensiktsmessig.»

*Tekna, fagorganisasjon for jordskiftedommarane* uttaler:

«Tekna vil også gi sin fulle støtte til den foreslåtte forenkling av ankeordningen. Dagens tosporede ankeordning med en egen jordskifteoverrett som ankeinstans for en del av avgjørelsene som fattes av jordskifteretten, mens andre avgjørelser går til lagmannsrett, må sies å være både uoversiktlig og i mange tilfeller uhenktsmessig og prosessøkonomisk ugunstig. Tekna anser det imidlertid som lite hensiktsmessig at det skal være opp til førstelagmannens skjønn om det skal være jordskiftelag-

dommer med på å behandle anke over jordskifteavgjørelser. Det bør være slik at jordskiftelagdommeren er med uansett i slike saker. Dette vil være mest betryggende sett fra en faglig og rettssikkerhetsmessig synsvinkel. Videre vil det også kunne forebygge mulige interne konfliktsituasjoner i retten. I tillegg bør det vurderes om ikke jordskiftelagdommeren kan ha en hensiktsmessig funksjon som dommer i andre tingsrettslige og ekspropriasjonsrettslige saker som kommer fra tingretten. Tekna forutsetter at det ved hver lagmannsrett tilsettes minst en jordskiftelagdommer, en utreder med formalkompetanse som kreves for jordskiftedommer, og en saksbehandler. Dette for å sikre et minimum av jordskiftesaker miljø.»

*Den norske dommerforening, Norges juristforbund, uttaler:*

«Dommerforeningen er enig i arbeidsgruppens prinsipale forslag om at lagmannsretten skal være eneste rettsmiddelinstans for avgjørelser truffet av jordskifteretten. Dette innebærer at det tosporede system vil opphøre, og at jordskifteoverretten skal integreres i lagmannsretten, som dermed blir en fullfaglig ankeinstans. En slik ordning vil medføre en betydelig forenkling for brukerne. Samtidig tilføres lagmannsretten verdifull kompetanse. Forslaget legger opp til en fleksibilitet når det gjelder bruken av denne ressurs ved dommersammensetningen også utenfor de tradisjonelle jordskiftesaker. Dette er en positiv sideeffekt av omleggingen som samtidig bidrar til å lette integreringsprosessen i ankeinstansen.»

*NORSKOG er det einaste uttaleorganet som uttrykkeleg er mot forslaget. NORSKOG uttaler:*

«Etter vår erfaring har jordskifteretten et godt omdømme, og blir ansett for å være både grundige og kompetente i sitt arbeid. Det er vår overbevisning at jordskifteretten bidrar til bedre løsninger i jordskiftesaker enn vanlige domstoler vil være i stand til. Hovedårsakene til dette er den fagkompetansen som jordskiftedommere besitter, arbeidsmetoden tilknyttet denne særdomstolen, og muligheten til å bruke den tiden som kreves for å få til en grundig saksgjennomgang og praktiske løsninger. I tillegg er det en unik mulighet for partene både i jordskifteretten og jordskifteoverretten til å prosedere sakene sine selv. Jordskifteverket er

lagt opp sånn at partene skal veiledes på en slik måte at de selv er i stand til å ta vare på sine interesser, uten pålagt bruk av advokater. Deres jordskifteoverretten nå avvikes, vil behovet for advokatbistand påføre alle som anker jordskiftesaker inn for lagmannsretten store ekstra kostnader. I realiteten vil dette med stor sannsynlighet avskjære mange fra å søke en ankebehandling. Ut fra disse argumentene ønsker NORSKOG å beholde jordskifteoverretten som ankeinstans.»

*Samerettsgruppa ved det juridiske fakultet, universitetet i Tromsø uttaler:*

«På dette punktet har arbeidsgruppa gjort et solid arbeid. Vi skal derfor fatte oss i korthet. I og med at arbeidsgruppa har stilt opp to alternative rettsmiddelordninger, finner vi det likevel naturlig kort å påpeke at vi støtter alternativet hvor lagmannsrettene er foreslått som (eneste) rettsmiddelinstans for avgjørelser tatt av jordskifterettene. Dette er også arbeidsgruppas primære forslag. For å sikre en best mulig ordning hvor det tas hensyn til geografiske avstander og kulturelle forskjeller innen landet vårt, herunder samisk rettskultur, er det viktig at samtlige av landets lagmannsretter blir styrket med en jordskiftelagdommer.»

#### 14.1.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår å leggje om rettsmiddelordninga, slik at lagmannsretten blir ankeinstans for alle avgjerder tekne av jordskifteretten.

Formålet med rettsmiddelordninga er å ta vare på rettstryggleiken for partane. Det er sentralt for tilliten til rettsystemet at det er mogleg å få ei overprøving av viktige rettsavgjerder. Det tospora systemet som gjeld i dag kan føre til at det oppstår uvisse om kva for rett som er ankeinstans. Det fører dessutan til at jordskiftedelen i eit tiltaksjordskifte ikkje kan ankast. Ut over dette fører ei slik deling til at sakstiltanget for jordskifteoverretten er lågt, slik at fagmiljøa knytt til jordskifteoverretten blir sårbare. Departementet viser til proposisjonen kapittel 5.3.5 der behovet for endringar i rettsmiddelordninga er drøfta.

Forslaget i høyringsnotatet er at det tospora systemet ikkje skal først vidare i ny jordskiftelov. Gjennomgangen av ulike alternativ i høyringsnotatet kapittel 5.11.5 er omfattande, og departementet viser til denne gjennomgangen.

Gjennomgangen i høyringsnotatet viser at det er ei utfordring å finne fram til ei ankeløysing som

så langt det er råd ligg nær opp til ordinære prosessreglar i sivile saker, som er brukarvennleg og effektiv med omsyn til tidsbruk, kostnader og organisering, samtidig som behovet for å få prøvt viktige spørsmål i to instansar kan takast vare på.

Valet mellom ulike løysingar er heller ikkje opplagt. Det er fordelar og ulemper ved alle. Departementet legg likevel til grunn at måla for dette valet i hovudsak må vere ei løysing som blir så enkel som mogleg, og som gjer at spørsmålet om kva som er ankeinstans ikkje lenger blir eit usikkerheitsmoment. Samansetjinga av retten må dessutan vere eigna til å løyse dei særreine spørsmåla som vil dukke opp i saker for jordskifteretten. Samstundes bør retten ikkje vere overdimensjonert i høve til behovet for slike særordningar.

Det går fram av høyringsinnspela som er refererte at forslaget om ein ankeinstans er ei løysing som får stor oppslutning. Dei fleste, mellom dei, Agder lagmannsrett, Domstoladministrasjonen, jordskifteoverrettane og Dommerforeninga i Norges juristforbund, er opptekne av at løysinga er meir brukarvennleg enn gjeldande løysing.

Noko nær alle høyringsuttalane legg vekt på at kompetansen som i dag er i jordskifteoverrettane må vere til stades i ankeinstansen, og at den framtidige rettsmiddelordninga derfor må byggjast opp slik at jordskifteoverretten blir ein del av lagmannsretten. Departementet har merka seg uttalane frå dei juridiske miljøa som legg vekt på at dei vil tilførast verdifull kompetanse om jordskifteoverrettane blir ein del av lagmannsretten. Departementet har òg merka seg at jordskifteoverrettane omtaler denne delen av forslaget som ei «kvalitetsreform».

Departementet meiner at det kan vere mykje å hente ved å skipe ein domstol med eit breiare kompetansegrunnlag enn det gjeldande reglar byggjer på. Om jordskiftekompetansen blir ein del av lagmannsretten, opnar det for at ankeinstansen får ei samansetjing i den konkrete anken som tek vare på rettstryggleiken og omsynet til systemkontroll anten det er juridiske eller jordskiftefaglege spørsmål som gjer seg gjeldande i ankesaka.

Etter gjeldande rett er lagmannsretten overprøvingsinstans når det gjeld krav om overskjønn eller anke. Retten er sett saman på ulikt vis i dei to sakstypene, og saka følgjer ulike prosessreglar. Løysinga er vel utprøvd over nær 100 år, og synest å fungere godt innanfor lagmannsrettane slik dei er organiserte i dag. Ei liknande løysing er valt i jordskiftesaker i Sverige, i det som svarar både til tingretten og til lagmannsretten. Der er løysinga òg prøvd ut over svært lang tid, og det synest vere semje om at ho fungerer godt. Med dette som

bakgrunn meiner departementet at mogleghetene for å setje saman retten på ulik måte alt etter kva for avgjerd det blir anka over synest å vere til stades.

Departementet foreslår etter dette at dei eksisterande jordskifteoverrettane blir ein del av lagmannsretten. Jordskifteoverdommarane blir jordskiftelagdommarar, og samansetjinga av lagmannsretten vil variere alt etter kva for avgjerd som er teken av jordskifteretten i første instans.

Departementet vil leggje til at det er vanskelig, men nødvendig, å skilje mellom argument som er knytt til behova brukarane har for ei tenleg løysing, og meir organisatoriske problem som òg bør løysast på ein god måte. Brukarperspektivet må etter departementets syn vere avgjerande for valet av ankeløysing. Dei interne organisatoriske tilhøva er av ein meir underordna karakter med mindre dei kan få verknad for avgjerda i sakene. Ved å samle all behandling i lagmannsretten vil ein unngå dei ulempene som partane har ved å måtte velje mellom to ulike instansar, faren for å velje feil ankeinstans med vidare. Ein unngår likevel ikkje at lagmannsretten må skilje mellom dei ulike avgjerdene som det blir nytta rettsmiddel mot, og avgjere kva for prosessform som skal nyttast i det enkelte høvet. Det må òg leggjast til rette for at systemet blir fleksibelt, slik at lagmannsretten kan behandle heile saka sjølv om det både er anke over tvist og jordskifteavgjerd i same sak.

Den løysinga departementet har landa på byggjer på det grunnleggjande skiljet som finst mellom rettsfastsetjande avgjerder, lovforslaget kapittel 4, og rettsendrande avgjerder lovforslaget kapittel 3. Dei rettsendrande avgjerdene kan ikkje løysast i anna prosesslovgiving. Som det går fram av forslag til reglar om saksbehandling, er det behov for særlege reglar knytt til dette i første instans. Dette behovet er òg til stades i ankeinstansen. Det er såleis ein sentral del av lovforslaget å skilje dei ulike avgjerdsformene i jordskifteleva, og leggje til rette for ulike behandlingsmåtar for dei ulike avgjerdsformene, og i høve til kva ankeinstansen skal prøve. Eit system der all anke frå jordskifterettane skal behandlast likt, vil etter departementets syn ikkje vere forsvarleg. Det vil heller ikkje gi ein ressursbruk som er tenleg. Dei konkrete reglane om samansetjinga av retten kjem departementet nærare tilbake til i proposisjonen kapittel 14.4.

NORSKOG er i si høyringsuttale oppteken av å behalde jordskifteoverretten, mellom anna for å halde på eit system tilrettelagt for sjølvprosederande partar der advokatbistand ikkje er nødvendig. Departementet meiner at lovforslaget legg til

rette for at den gode praksisen som NORSKOG viser til at fungerer godt ved dagens overjordskifte, kan førast vidare i lagmannsrettane.

Departementets forslag går fram av lovforslaget § 8-1 første ledd.

Forslaget om at lagmannsretten blir den einaste ankeinstansen fører til at ei rekkje føresegnar i gjeldande jordskiftelov kapittel 7 Rettsmiddel ikkje blir ført vidare i forslaget til ny lov om jordskifte. Dette gjeld gjeldande jordskiftelov §§ 61 fjerde ledd, 63 fjerde og femte ledd, 64 første ledd andre punktum og andre ledd, 69, 70 andre til fjerde ledd og 71.

## 14.2 Kva for avgjerder som bør kunne prøvast ved anke

### 14.2.1 Høyringsforslaget

I høyringsforslaget legg arbeidsgruppa til grunn at jordskifteretten skal nytte avgjerdsformene dom, semjedom, jordskifteavgjerd, orskurd, vedtak (i tvistelova kalla beslutning) og skjønn, jf. høyringsforslaget § 6-19. Anke kan etter tvistelova § 29-2 gjelde dom, orskurd (kjennelse) eller vedtak (beslutning). Semjedom og jordskifteavgjerd er ikkje omfatta av føresegnene i tvistelova eller i anna prosesslovgiving. Etter høyringsforslaget skal det vere mogleg å prøve slike avgjerder.

Jordskifteretten avgjer ein del spørsmål som skjønn, anten som eiga sak eller i samband med jordskiftesak. Når jordskifte og ekspropriasjonsskjønn blir behandla i same sak, blir dette ofte kalla kombinerte saker eller tiltaks- eller vernejordskifte. Etter revisjonen av jordskiftelova som blei sett i kraft 1. januar 1999, blei høvet til å anke dei kombinerte sakene vesentleg innskrenka ved at berre saksbehandling og erstatningsutmåling kunne ankast til lagmannsretten. Tidlegare kunne ein òg anke over skifteplanen og dei rettsendrande avgjerdene til jordskifteoverretten. Forslaget i høyringsnotatet fører til at det vil bli full overprøving òg for dei kombinerte sakene.

Utrekningar og målearbeid med vidare som jordskifteretten gjer, blir ein del av avgjerda, anten avgjerda er ein dom, semjedom, ei jordskifteavgjerd eller eit skjønn. Sjølv om partane aksepterer premissane, tvisteløysinga eller jordskifteløysinga, kan dei meine at sjølve merkinga eller målearbeidet er feil. Etter gjeldande føresegnar kan partane anke til jordskifteoverretten med påstand om retting av slike feil (gjennomsyn). I høyringsnotatet er det peika på at ordninga med gjennomsyn er godt innarbeidd. Løysinga blei derfor fore-

slått ført vidare, jf. høyringsforslaget § 8-2 femte ledd.

For avgjerd som jordskiftedomaren tek etter gjeldande jordskiftelov § 85, i samband med valdgift eller frivillig makeskifte, foreslår arbeidsgruppa eigne føresegnar om rettsmiddelbruken. Arbeidsgruppa foreslår at reglane om kompetansen til jordskifteretten i samband med valdgift eller minneleg makeskifte, skal opphevast. Det er da heller ikkje behov for særlege reglar om anke i den nye jordskiftelova.

### 14.2.2 Høyringsinstansane

Det er berre eit fåtal høyringsinstansar som har merknader til spørsmålet om kva for avgjerder som bør kunne prøvast ved anke.

*Jordskifteoverrettane* skriv i si fellesuttale:

«Det er ein nødvendig endring av noverande lov, at det igjen blir mogleg å anke dei jordskiftemessige avgjerdene i dei kombinerte sakene.»

*Statens vegvesen* kommenterer dette. Uttalen er teken inn under kapittel 14.1.2.

### 14.2.3 Departementets vurderingar

#### 14.2.3.1 Avgjerder som kan ankast

Dei ulike avgjerdene i jordskifterettane kan vere viktige for den enkelte grunneigaren og rettshavaren. For å ta vare på rettstryggleiken er det derfor avgjerande at den enkelte parten i jordskiftesakene kan ha rett til å få ei prøving; ei ny vurdering av dei avgjerdene som jordskifteretten fastset. Formålet med rettsmiddelordninga er nettopp å ta vare på denne rettstryggleiken. Moglegheita for ei ny prøving er òg sentral for tilliten til rettsystemet. Overprøvinga skapar dessutan presedens, noko som fremjer kvaliteten på avgjerdene i underinstansen.

Andre viktige omsyn kan tale for å avgrense retten til overprøving, først og fremst omsynet til proporsjonalitet og rask saksbehandling. Omsynet til effektivitet tilseier at saka kan avgrensast slik at det berre er snakk om ankebehandling dersom det synest nødvendig at spørsmålet blir behandla på nytt.

Dei ulike avgjerdsformene i jordskifteretten er definerte i lovforslaget § 6-23. Departementet tek som utgangspunkt at alle avgjerdsformene som er nemnde i paragrafen skal kunne ankast.

Det som i gjeldande rett er kalla rettsfastsetjande vedtak er i lovforslaget kalla dom. Sjølv om tingretten ikkje kan ta slike avgjerder, er det klart at slik dom må kunne prøvast med rettsmiddel.

Jordskifteavgjerd er ei sentral avgjerdsform i lova. Omgrepet omfattar alle avgjerder som takast om verdsetjing, bonitering, ny eigedomsutforming med vidare. Desse avgjerdene er sjølv kjerren i jordskifteverksemda, og må kunne prøvast med rettsmiddel.

Omtalen av forslaga i høyringsnotatet viser at lagmannsretten etter gjeldande jordskiftelov berre kan prøve skjønnsdelen, rettsbruken og saksbehandlinga ved tiltaks- og vernejordskifte. Dette er uheldig. Løysinga med anke til lagmannsrett som er vald i kapittel 14.1.3 og kapittel 14.4.3 gjer det mogleg å få prøvd slike avgjerder. Departementet foreslår etter dette å følgje forslaget i høyringsnotatet på dette punktet slik at alle aktuelle avgjerder fatta av jordskifteretten kan prøvast av lagmannsretten.

I lovforslaget har departementet likevel gjort nokre unntak frå retten til å anke. Dette gjeld i første rekkje avgjerda førstelagmannen tek om samansetjinga av retten, sjå lovforslaget § 8-7 og domstollova § 1 (12) nytt andre ledd. Sjø omtalen av dette under kapittel 14.4.3.3. Departementet foreslår elles at den særlege ankeforma «gjennomnsyn» går ut. Sjø omtale av dette i kapittel 14.2.3.2.

#### 14.2.3.2 Gjennomnsyn

Etter gjeldande jordskiftelov § 72 kan det ankast over det tekniske arbeidet, kart, utrekningar eller målearbeid. Regelen om gjennomnsyn er ofte omtala som teknisk gjennomnsyn. Forslaget i høyringsnotatet er å føre ordninga vidare, med nokre mindre endringar.

Regelen blei laga med sikte på dei tradisjonelle jordskiftesakene, men gjeld òg for grensesaker. Gjennomnsyn i grensesaker reiser særlege problem ved den todelte rettsmiddelordninga som gjeld i dag. Er det sagt dom i grensetvist, skal anken gå til lagmannsretten. Er det kravd gjennomnsyn må likevel dei delane av bevisa som gjeld kart, utrekningar eller målearbeid takast ut av ankesaka til lagmannsretten og vurderast av jordskifteoverretten. Dette problemet vil bli borte med departementets forslag til ny rettsmiddelordning der alle ankespørsmål går til lagmannsretten, sjå drøftinga i kapittel 14.1.

Behandlinga av gjennomnsynet er elles enklare enn ved annan anke til jordskifteoverretten. Det er likevel eit spørsmål om det er behov for å

behalde denne særlege ankeforma. I praksis har løysinga ikkje vore mykje brukt. I perioden 2005-2009 var det til saman 560 ankepostar som blei behandla av jordskifteoverrettane. Av desse var det totalt sju ankepostar som i statistikken er førte som «teknisk gjennomnsyn». Ingen av desse ankepostane førte til endring i resultatet av saka. Fire av dei sju ankepostane som gjaldt teknisk gjennomnsyn kom inn til jordskifteoverretten i 2009. I siste femårsperiode var teknisk gjennomnsyn brukt i om lag en prosent av ankepostane.

Departementet er etter at høyringsfristen gjekk ut, gjort merksam på at teknisk gjennomnsyn i nokre høve har blitt brukt som eit slags ekstra rettsmiddel. Dette meiner departementet er uheldig. Etter at ein dom er behandla i jordskifterett, lagmannsrett og kanskje er forsøkt anka til Høgsterett, krev enkelte partar teknisk gjennomnsyn for grensemerkinga. Dette liknar på ein «omkamp» på den rettskraftige dommen. Eit eksempel som viser dette er Frostating jordskifteoverrett sak 2600-2008-0008, der Sør-Trøndelag jordskifterett merkte grensene i tråd med rettskraftig dom avsagt i lagmannsretten. Her blei spørsmålet reist om dette var ei ny anke over rettsfastsetjinga, som i så fall skulle til lagmannsrett som vanleg sivil ankesak, eller om saka kunne behandlast av jordskifteoverdommaren etter reglane for teknisk gjennomnsyn. Det siste blei resultatet, men saka illustrerer at ein ved å oppretthalde teknisk gjennomnsyn som ei eiga ankeform opnar for at enkelte saker kan behandlast fleire gonger i ankeinstansen. Først ved anke over dom, deretter ved teknisk gjennomnsyn over grensemerkinga. Dette problemet blir ikkje borte med forslaget til endring av rettsmiddelordninga. Problemet kan ein i nokon mon unngå ved å vere meir presis i domsslutninga, slik at merkjeoppdraget blir tydelegare. Likevel kan ein ikkje unngå at det er mogleg å krevje teknisk gjennomnsyn som må behandlast i ei ekstra runde i lagmannsretten.

Departementet foreslår å oppheve regelen om gjennomnsyn. Ut over dei ulempene som er skiserte over, er det fleire grunnar til dette, først og fremst fordi departementet i hovudsak ikkje ser behov for gjennomnsynet slik regelen er utforma i dag, og dernest at reglane om rettsmiddel blir enklare dersom gjennomnsynet blir borte.

Behovet for teknisk gjennomnsyn er avhengig av om feil i form av utarbeiding av kart og utrekningar, merking og måling kan rettast på ein effektiv og adekvat måte innafor dei vanlege reglane lova gir. Avgjerdene i jordskifteretten kan etter lovforslaget § 6-25 omgjerast undervegs i saka om det ligg føre særlege grunnar, avgjerdene

kan reassumerast etter tvistelova § 9-17. Ved feil kan dei òg rettast etter at avgjerda er teken, jf. tvistelova § 19-8, saka kan oppfriskast etter tvistelova kapittel 16 III, saka kan ankast etter lovforslaget § 8-1 eller gjenopnast innan 10 år jf. lovforslaget § 8-14. Om saka er ei jordskiftesak kan det dessutan reisas nytt krav om jordskifte etter 10 år, sjå lovforslaget § 3-37.

Ein viktig grunn for forslaga til endringar i rettsmiddelbruken er å gjere prosessane enklare for partane og redusere ressursbruken i samband med bruk av rettsmiddel. Det bør ikkje leggjast opp til løysingar som gjer det nødvendig å anke ei sak to stader eller fleire gonger før det er teken endeleg avgjerd. Problema som er påviste med teknisk gjennomsyn viser at det etter gjeldande jordskiftelov er mogleg å anke fleire gonger. Det er såleis i tråd med grunntanken i forslaga til endring å ta bort teknisk gjennomsyn som eiga ankeform. Ei slik løysing svarar med intensjonen med å lage ei robust ankeordning der alt skal samlast i lagmannsretten i ei behandling.

Etter departementets syn vil behovet for ein regel om teknisk gjennomsyn variere. Det må skiljast mellom utarbeiding av kart og utrekningar på den eine sida, og merking og måling på den andre.

Utarbeiding av kart og utrekningar i samband med skifte i ei jordskifteavgjerd skal leggjast fram for partane undervegs i saka. Det vil ofte liggje føre ei jordskifteavgjerd som kan ankast, og arbeidet er seinast gjort når det ligg føre dom i saka. Etter departementets syn er det ikkje nødvendig med eigne føresegner om teknisk gjennomsyn for slike avgjerder. Dei løysingane som er skisserte ovanfor dekkjer behovet for å rette opp tilhøvet.

Merking og måling er faktiske handlingar som kan gjennomførast før det ligg føre ein endeleg dom, men handlingane kan òg utførast etter at det ligg føre dom i saka. Til forskjell frå merking og måling som skjer ved ordinær oppmåling i kommunen, vil arbeidet jordskifteretten gjer ha rettskraftsverknad. I tettstadar med høge eigedomsverdiar, kan små feil føre til rettstap knytt til store verdiar.

Departementet meiner at løysingane som er skisserte ovanfor òg dekkjer behovet for å rette opp feil i merking og måling dersom handlingane er gjort før det er sagt dom i saka. Ligg det føre ein rettskraftig dom der merkinga og målinga skal gjerast etterpå er situasjonen ein annan. Tiltaka som er skisserte ovanfor er da ikkje aktuelle verkemiddel for å rette opp feilen sjølv om feilen kan ha mykje å seie for partane. Etter departementets

syn må det vere mogleg å anke over denne faktiske handlinga. Departementet legg derfor til grunn i lovforslaget § 6-23 fjerde ledd bokstav c at utsett merking og måling skal reknast som ei jordskifteavgjerd. Etter departementets syn dekkjer denne løysinga behovet for prøving på ein tenleg måte.

## **14.3 Prosessform for ankebehandlninga**

### **14.3.1 Høyringsforslaget**

Høyringsforslaget § 8-3 gjeld føresegner om prosessen. Prosessforma er nærare omtalt i høyringsnotatet kapittel 5.11.6. I hovudsak fører høyringsforslaget vidare dei prinsippa som ligg til grunn for gjeldande føresegner.

Jordskifteretten må ofte ta fleire ulike avgjerder i ei og same sak. I høyringsnotatet er det presisert at spørsmålet om prosessform ved overprøvinga, bør ta utgangspunkt i kva for type avgjerd som blir prøvd for ankeinstansen.

Arbeidsgruppa foreslår at anke over dom, semjedom, orskurd, eller vedtak bør behandlast etter reglane i tvistelova. Ved anke over jordskifteavgjerd foreslår arbeidsgruppa eigne reglar for prosessen i lagmannsretten, kombinert med at skjønnsprosesslova skal gjelde så langt ho passar. Ved anke over reine skjønn halde av jordskifteretten er forslaget at ein ved overskjønn skal følgje reglane i skjønnsprosesslova.

I nokre tilfelle er det mest praktisk at lagmannsretten nyttar teknisk hjelp frå jordskifterettane. Høyringsforslaget omfatar derfor reglar som skal gi jordskifterettane plikt til å yte slik hjelp dersom lagmannsretten ber om det.

### **14.3.2 Høyringsinstansane**

*Justisdepartementet* uttaler:

«Vi reiser spørsmål om hvilken silingsregel som skal gjelde når anker over forskjellige avgjørelser behandles som en sak etter § 8-2 tredje ledd. Skal anke over dom hvor tvistegjenstanden er lavere enn kr 125 000 alltid fremmes for lagmannsretten dersom den ankes sammen med en jordskifteavgjørelse? Det bør nevnes i spesialmerknaene til § 8-3 at det er tvistelovens regler om anke over dom som skal gjelde tilsvarende for anke over semjedom fra jordskifteretten»

*Domstoladministrasjonen* uttaler:

«DA er enig i at behandlingen av anke over judisielle avgjørelser følger alminnelig tvisteprosess, jf. første ledd, og at behandlingen av anke over jordskifteavgjørelser følger jordskifteteprosessen, jf. andre ledd.

Det er i andre ledd henvist til §§ 8-4 til 8-13 og kapittel 6 i jordskifteloven. Denne lovteknikken kan gi noen uheldige utslag. Blant annet går man glipp av bestemmelsene i §§ 2-10 og 2-11 om meddommerutvalg. Ankeinstansen bør ikke være avskåret fra å velge meddommere fra «jordskiftemeddommerutvalget».

*Agder lagmannsrett* uttaler:

«Det er viktig å se reglene om rettsmiddelordning i sammenheng med § 6-19 om formene for jordskifterettens avgjørelser. Etter min oppfatning gir § 6-19, som det er vist til i § 8-1 første ledd, et godt fundament for rettsmiddelordningen. Særlig viktig er sonderingen mellom «dom» og «jordskifteavgjerd» i § 6-19 annet til fjerde ledd, som betegnelser på realitetsavgjørelsen i rettsfastsettende og rettsendrende saker. Det er en riktig grunntanke at realitetsavgjørelser som med bindende virkning for partene normerer et rettsforhold, treffes i form av dom. Dette stemmer med tvistelovens løsning i § 19-1 første ledd. Forslaget innebærer at begrepet «rettsfastsettende vedtak» i dagens jordskiftelov erstattes med dom. Det er en god betegnelse at avgjørelser basert på partenes enighet i utkastet § 6-19 tredje ledd kalles «semjedom». Bruken av domsformen, fremfor vedtaksformen, gjør det lettere å skille materielle avgjørelser med rettskraftvirkning fra prosessuelle avgjørelser som kalles «vedtak» i § 6-19 femte ledd. «Vedtak» brukes da i samme betydning som bokmålsordet «beslutning» i tvisteloven § 19-1 tredje ledd.»

*Jordskifteoverrettene* uttaler:

«Systemet som er valgt ved at prosessreglane i skjønnsprosesslova skal styre overjordskifte, skaper forvirring. Det ville vore eit betre system å vise til reglane i jordskiftelova, og at desse gjeld så langt dei passar, enn å trekkje inn ei tredje prosesslov slik situasjonen vert her. Dette er og nemnt i kommentaren til § 8-2, at det ved overjordskifte bør være jordskiftelova sine reglar som skal gjelde så langt det passar. Tilvisinga til skjønnsprosesslova så langt det passar kan kanskje flyttast til fjerde ledd. Den har kanskje større mening der. I

andre ledd bør det derfor vere ei tilvising til saksbehandlingsreglane som gjeld for jordskifteretten, meir i tråd med det som er gjort i § 8-9.»

I uttalen frå *jordskifterettsleiarane i Frostating jordskiftedømme* står følgjande:

«Ved behandling av anke over jordskifteavgjerd skal §§ 8-4 til 8-13 og saksbehandlingsreglane i kapittel 6 i jordskifteloven gjelde. Så langt vi ser det må dette være tilstrekkelig henvisning. Hva som skal benyttes «så langt det passer» av skjønnsprosesslovens bestemmelser er noe uklart for oss.»

*Jordskifterettene i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler:

«I andre ledd, om anke over jordskifteavgjerd, foreslår vi endring slik at kort og greit reglane i jordskifteloven gjelder fullt ut, og ikke bare deler av loven.»

### 14.3.3 Departementets vurderingar

#### 14.3.3.1 Generelt

Formålet med prosessordninga er mellom anna å sikre interessene partane har i saka. Formålet er òg å leggje til rette for ein ryddig prosess slik at partane får komme til med sine synspunkt knytt til det saka eller anken gjeld på ein god måte, samstundes som framdrifta i saka blir sikra. Omsynet til partane og domstolen taler elles for at prosessreglane bør leggje til rette for enkel og fleksibel saksbehandling. Jordskifteretten må ofte i ei og same sak ta fleire ulike avgjerdar. Føresegnene om kva for prosessform som skal gjelde ved overprøvinga, kan derfor ikkje byggje på kva for sakstype som er til behandling for jordskifteretten, men må ta utgangspunkt i kva for avgjerd som det er anka over.

Høyringsforslaget går i korte trekk ut på å følgje reglane i tvistelova ved anke over dom, semjedom, orskurd eller vedtak medan ein har særlege reglar ved anke over jordskifteavgjerd. Forslaget byggjer på grunnprinsippet om at prosessforma må tilpassast det saka gjeld, ei løysing som i stor grad er støtta av høyringsinstansane. Forslaget er ei naturleg følgje av at jordskifterettene fattar ulike slag avgjerdar, med ulike krav til prosess og i førsteinstans, sjå lovforslaget kapittel 6. Når anke i alle høve skal behandlast i lagmannsretten, er



det på same vis nødvendig med ulike prosessreglar avhengig av kva for avgjerd det er anka over.

Departementet ønskjer i lovforslaget å byggje vidare på dette grunnprinsippet, og meiner at ryddige avgjerder basert på inndelinga i lovforslaget § 6-23 gjer dette mogleg. Utfordringa i regelverket er å leggje til rette for eit enkelt og forståeleg system som samstundes opnar for at ein kan belyse dei særeigne tilhøva som gjer seg gjeldande for dei ulike avgjerdsformene i ankeomgangen på ein eigna måte. I tillegg bør regelverket gi retten tilstrekkeleg fleksibilitet til å avvikle saka på ein effektiv måte innafor ramma av dei ressursane som finst i domstolen. Utfordringa for jordskifterettane blir å formidle tydeleg til partane kva slag avgjerd som er gjort i første instans.

Høyringsrunden viser at det mellom anna er nødvendig å sjå nærare på dei særlege reglane som skal gjelde ved behandling av anke over jordskifteavgjerder.

#### 14.3.3.2 Ankesak som gjeld jordskifte

Etter gjeldande rett følgjer prosessen ved overjordskifte reglane i jordskiftelova så langt det høver. Jordskifteavgjerdene har mange fellestrekk med avgjerder tekne i skjønn. Prøving av skjønn kan såleis vere eit mønster for prøving av jordskifteavgjerd. Forslaget i høyringsnotatet byggjer derfor på at reglane i skjønnsprosesslova skal gjelde så langt det høver. I tillegg skal reglane om saksbehandling i jordskiftelova gjelde, jf. høyringsforslaget kapittel 6. Det same gjeld dei særlege reglane om behandling av anke etter høyringsforslaget kapittel 8.

Departementet har merka seg at fleire av høyringsuttalane er kritiske til forslaget om at skjønnsprosesslova skal gjelde så langt det høver. Både Justisdepartementet, Agder lagmannsrett og mange av jordskiftedomstolane har vore opptekne av dette. Det er mellom anna stilt spørsmål ved kva verknad forslaget får. Andre har vist til at det er uheldig at lagmannsretten i så fall må nytte skjønnsmenn og ikkje meddommarar frå utvalet av jordskiftemeddommarar.

Departementet er samd i at det kan vere grunn til å gjere reglane i jordskiftelova gjeldande ved behandling av anke over jordskifteavgjerd i lagmannsretten. Dersom jordskiftelova skal gjelde så langt det høver, vil alle dei aktuelle reglane få verknad òg ved overjordskifte halde av lagmannsretten. Det fører til at ankeinstansen får den same faktiske kompetansen til å treffe regulerande avgjerder, og dei same skrankane for slike

avgjerder slik vi for eksempel finn dei i lovforslaget § 3-18 som gir vern mot tap. Departementet meiner dessutan at prosessreglane i jordskiftelova saman med spesialreglar for anke i kapittel 8 vil vere tilstrekkelege til å behandle anke over jordskifteavgjerder på ein god måte. Reglane om saksbehandling som jordskifteoverretten har nytta etter gjeldande rett har fungert godt, og departementet foreslår at nye reglar skal utarbeidast etter den same tilnærminga. At overjordskifta for framtida skal behandlast av lagmannsretten, gjer det ikkje meir komplisert å nytte reglane i jordskiftelova. Forslaget går fram av lovforslaget § 8-1 tredje ledd.

Fleire høyringsinstansar har stilt spørsmål ved om visinga til skjønnsprosesslova burde knytast direkte til anke over dei kombinerte sakene, og at det i desse sakene heller kan vere bruk for ei slik tilvising til reglane i skjønnsprosesslova. Med den løysinga departementet foreslår, er det ikkje behov for å drøfte dette særskilt.

#### 14.3.3.3 Anke over dom, orskurd eller vedtak

Etter gjeldande jordskiftelov § 61 andre og tredje ledd går ei rekkje avgjerder som ankesak til lagmannsretten etter reglane i tvistelova. Eksempel på dette er dom, rettsfastsetjande vedtak og visse orskurder og andre vedtak. Etter § 61 femte ledd skal prosessen i slike tilfelle gå etter tvistelova. Arbeidsgruppa foreslår forenklingar i høve til gjeldande lovtekst. Det har ikkje kome inn motsegner mot forslaget i høyringsrunden. Departementet foreslår i kapittel 9 at rettsfastsetjande vedtak, eller det som i høyringsnotatet blei omtala som semjedom skal vere dom. Ut over denne endringa foreslår departementet ein regel i lovforslaget § 8-1 andre ledd i tråd med forslaget frå arbeidsgruppa.

Føresegna erstattar gjeldande jordskiftelov § 61 femte ledd som direkte gjeld avgjerder som etter andre og tredje ledd kan ankast til lagmannsretten i dag. I lovforslaget er opprømsinga i gjeldande lov § 61 tredje ledd av ulike slag orskurder gjort generell. Forslaget vider såleis ut verkeområdet for tvistelova for slike orskurder som ikkje er nemnde i tredje ledd i gjeldande jordskiftelov. Forslaget erstattar òg gjeldande jordskiftelov § 63 tredje ledd der det går fram at reglane i tvistelova kapittel 29 gjeld så langt dei høver ved anke til lagmannsretten. Modifikasjonen «så langt dei høver» er teken bort i lovforslaget slik at tvistelova vil gjelde utan atterhald.

#### 14.3.3.4 Skjønn og andre avgjerder

Etter gjeldande jordskiftelov § 6 b første ledd første punktum skal skjønn som jordskifteretten held som eiga sak med heimel i § 6 fjerde ledd andre punktum eller i anna lov følgje reglane for rettslege skjønn etter skjønnsprosslova. Føreseigna gjeld òg krav om overskjønn. Eit unntak frå denne hovudregelen er § 6 a som fastset at jordskifteretten blant anna i eiga sak kan halde skjønn etter reindriftslova. Utgangspunktet er da at saka skal behandlast etter reglane i jordskiftelova.

Departementet vil særleg vise til lovforslaget § 5-6, som gir reglar for korleis skjønn og andre avgjerder etter lovforslaget kapittel 5 skal behandlast av jordskifteretten. Skiljet her ligg mellom skjønn og andre avgjerder etter andre lover som skal behandlast som eiga sak, og skjønn og andre avgjerder etter andre lover halde i samband med sak for jordskifterett. Departementet meiner at det er rett å følgje opp dette i reglane om prøving av avgjerda. Skjønn og andre avgjerder jordskifteretten held som eiga sak, følgjer reglane for rettsleg skjønn i lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker. Det fører til at rettsmiddel i slike saker blir «begjæring om overskjønn», jf. skjønnsprosslova § 32 flg. Sjølv om dette går fram som ein direkte følgje av lovforslaget § 5-4, finn departementet det av pedagogiske grunnar rett å presisere dette i lovforslaget § 8-1 femte ledd. Departementet foreslår òg at skjønn og andre avgjerder etter andre lover halde i samband med sak for jordskifterett skal behandlast i lagmannsretten etter dei same reglane som jordskifteavgjerd. Dette følgjer av lovforslaget § 8-1 fjerde ledd. Rettsmiddel i slike saker blir derfor anke til lagmannsrett.

#### 14.3.3.5 Fleire sakstypar i ei sak

Som arbeidsgruppa er inne på, kan det for eksempel vere jordskifteavgjerd og avgjerd av tvist i same sak. Jordskifteretten kan òg avgjere tvist og skjønn i same sak. Ei tredje gruppe avgjerder kan vere jordskifteavgjerd og skjønn i same sak. Ein kan sjå for seg at alt ankast samtidig, når heile saka er slutt. Etter gjeldande rett må sakene behandlast som separate ankesaker, først i lagmannsrett og etterpå i jordskifteoverrett. Alternativt som overskjønn og ordinær anke til lagmannsretten dersom det er anka over rettsfastsetjing og samtidig er kravd overskjønn.

Lovforslaget § 8-1 første ledd inneber at det nå berre blir ein ankeinstans dersom det er anka over fleire avgjerder etter lovforslaget § 6-23 sam-

tidig. Det er lagmannsretten. I lovforslaget § 8-7 er det lagt opp til at førstelagmannen skal avgjere korleis samansetjinga i retten skal vere i slike høve. Førstelagmannen må da leggje vekt på kvar hovudvekta i ankebehandlinga vil liggje, og kva for ei behandlingsform som vil passe best for å kunne prøve heile breidda i saka på ein best mogleg måte. Løysinga opnar for ei forenkling av prosessen når det er anka over ulike avgjerder i same sak. Departementet foreslår på dette grunnlaget at slike ankar kan behandlast som ei sak for lagmannsretten. Forslaget går fram av lovforslaget § 8-1 sjette ledd. Etter departementets syn kan ei slik løysing vere effektiv både for partane og for domstolen. Departementet meiner løysinga må byggje på at slik behandling er mogleg. Det bør ikkje vere ein absolutt regel, sjå ordlyden som er vald; anken «kan» behandlast som ei sak. Løysinga er såleis ikkje den same som i høyringsforslaget § 8-2 tredje ledd. Avgjerda av om saka skal behandlast som ei sak eller ikkje vil liggje til førstelagmannen som etter domstollova § 11 skal fordele sakene mellom dommarane ved domstolen. Departementet har lagt til grunn i lovforslaget § 8-1 sjette ledd at avgjerda førstelagmannen gjer ikkje kan ankast. Sjølv om rolla til førstelagmannen i liknande avgjerder under kapittel 14.4.3.4.

Forslaget gjeld anke over avgjerd som nemnt i lovforslaget § 6-23. Det vil seie at skjønn og andre avgjerder etter andre lover etter lovforslaget § 5-4 i hovudsak er halde utanfor. I reine skjønn har ikkje skjønnretten kompetanse til å avgjere spørsmål ved dom. Ofte må skjønnretten bruke prejudisielle føresetnader om rettstilstanden i slike saker. I eit slikt tilfelle er det berre aktuelt å prøve det prejudisielle spørsmålet i samband med overskjønnet. I nokre høve er skjønn og andre avgjerder halde som del av ei sak for jordskifteretten. Ei anna løysing er vald dersom skjønn og andre avgjerder etter andre lover etter kapittel 5 er halde i samband med sak for jordskifterett. Dette gjeld anten saka er ei jordskiftesak eller grensesak. Det går fram av lovforslaget § 6-23 fjerde ledd bokstav d at skjønn og andre avgjerder etter andre lover etter kapittel 5 i samband med sak for jordskifterett er å rekne som «jordskifteavgjerd». Når dette er tilfellet, får forslaget i lovforslaget § 8-1 sjette ledd om ei samla behandling av anken verknad òg i slike høve. Forslaget vil gjelde anten det er anka over jordskifteavgjerd og dom eller orskurd.

Sjølv om ulike avgjerder er samla til ei ankebehandling, må prosessreglane for behandlinga av anken følgje den enkelte avgjerda det er anka over. Departementet ser ikkje behov for å lovfeste

dette. Løysinga følgjer av formålet med prosessreglane som er omtala innleiingsvis. Dette formålet er å rydde i saka eller anken slik at partane får kome til med sine synspunkt knytt til det saka eller anken gjeld på ein god måte, samstundes som framdrifta i saka sikrast. Når ulike avgjerder er samla til ei ankebehandling, må jordskifterettane vere tydelege med omsyn til kva for avgjerdsform dei har nytta i ulike delar av saka. Det avgjerande for prosessforma vil likevel vere innhaldet i avgjerda, ikkje nødvendigvis det retten sjølv har kalla henne. Dette går fram av lovforslaget § 6-23 femte ledd.

Justisdepartementet peikar på at det er uklart korleis silingsregelen skal fungere i ei sak der fleire avgjerder er påanka samtidig. For eksempel dom og jordskifteavgjerd, der verdigrensa tvistelova har på 125 000 kroner vil gjelde for anke over dom, men ikkje for anke over jordskifteavgjerd. Etter departementets syn skal silingsregelen praktiserast sjølv i eit tilfelle der både dom og jordskifteavgjerd er anka. Det er ikkje gjort noko unntak frå hovudregelen i tvistelova i slike høve. Det betyr at dommen i seg sjølv må kvalifisere for ankebehandling. Dersom han ikkje gjer det, vil retten berre stå igjen med jordskifteavgjerda som skal prøvast.

## 14.4 Samansetjing av lagmannsretten

### 14.4.1 Høyringsforslaget

Kva for dommarar som skal avgjere den enkelte saka, er eit viktig spørsmål for den enkelte parten og ei direkte følgje av at ein har vald ulike prosessformer for ulike avgjerder i jordskifterettane. Dette spørsmålet gjeld både samansetjinga av ulike fagdommarar med ulik fagbakgrunn, og bruken av meddommarar. I høyringsnotatet er det skissert fleire ulike alternativ for samansetjing av lagmannsretten, jf. høyringsforslaget § 8-2.

Der prosessforma følgjer reglane for vanleg sivil anke i lagmannsretten (dom, semjedom, orskurd eller vedtak) skal retten setjast saman etter domstollova § 12. Retten skal da setjast med tre fagdommarar. Høyringsnotatet inneheld forslag om at førstelagmannen i slike anker kan byte ut ein juridisk dommar med ein jordskiftelagdommar. Ved å gi førstelagmannen denne oppgåva, opnar høyringsforslaget for eit fleksibelt system som både kan ta vare på omsynet til fagkunnskap og effektiv utnytting av ressursane i lagmannsretten.

Det kan vere gode grunnar for å vurdere om ei tilsvarande samansetjing der jordskiftelagdomma-

ren deltek som ein av fagdommarane, òg bør nytast ved anke over avgjerder tingretten tek i grensetvist og andre avgjerder som gjeld fast eigedom. Arbeidsgruppa peikar på at dette forslaget ikkje er greidd ut i høyringsnotatet i full breidde fordi det ligg utanfor mandatet.

Der det er anka over jordskifteavgjerd eller sett fram krav om overskjønn, foreslår arbeidsgruppa ei samansetjing av retten som fastsett i skjønnsprosesslova § 34. Etter reglane i skjønnsprosesslova blir da samansetjinga i retten til vanleg ein fagdommar og skjønnsmenn. Talet på skjønnsmenn vil variere frå sak til sak, men er normalt to eller fire. Etter forslaget skal det vere opp til førstelagmannen å avgjere om retten skal setjast med jordskiftelagdommar eller juridisk dommar som fagdommar. Forslaget i høyringsnotatet er at førstelagmannen skal kunne setje retten med ein juridisk dommar og ein jordskiftelagdommar, saman med tre skjønnsmenn. Det går fram av høyringsnotatet at dette først og fremst er tenkt for saker der jordskifteavgjerd og rettslege vurderingar er sentrale, og i saker der jordskifteavgjerd og skjønn er kombinerte i same sak.

Forslaget byggjer elles på ulike kombinasjonar, som skal gjere det mogleg å behandle ulike avgjerdsformer i same ankesak, for eksempel både dom og jordskifteavgjerd. Det blir da opp til førstelagmannen å fastsetje samansetjinga i retten.

Forslaget er ut over dette at førstelagmannen skal fastsetje kven som skal førebu saka. Det vil vere ein jordskiftelagdommar eller ein lagdommar. I tillegg skal påstandar om tekniske feil i saker, såkalla teknisk gjennomsyn, avgjerast av jordskiftelagdommaren som einedommar.

Arbeidsgruppa foreslår ein regel om at avgjerda førstelagmannen gjer om samansetjing av retten eller kven som skal førebu saka er unntatt frå anke.

### 14.4.2 Høyringsinstansane

Svært mange høyringsinstansar kommenterer spørsmålet om samansetjinga av retten, og høyringsinstansane har ulike meiningar om korleis løysinga bør vere. Det synest likevel vere stor grad av semje om hovudtrekka i forslaget i høyringsnotatet.

*Justisdepartementet uttaler:*

«Vi slutter oss til hovudtrekkene i utkastet til § 8-2 om lagmannsrettens sammensetning i den enkelte sak. Vi vil likevel reise spørsmål ved behovet for regelen i annet ledd annet

punktum hvoretter førstelagmannen skal kunne velge å sette retten uten jordskiftedommer også ved anke over jordskifteavgjørelser. Vi antar at det svært sjelden vil være ønskelig at ankedomstolen settes uten jordskiftedommer i slike saker.

Vi antar at lagmannsretten ved anke over jordskifteavgjørelser bør gis mulighet for å oppnevne meddommere fra utvalget for jordskifterettene. Slik § 8-2 annet ledd nå er formulert, åpner den så vidt vi kan se bare for at det oppnevnes skjønnsmedlemmer fra utvalget nevnt i skjønnsprosessloven § 14. Vi foreslår derfor som nytt femte punktum i 8-2 annet ledd:

«Ved anke over jordskifteavgjerd kan det oppnemnes meddommarar frå utvalet for saker for jordskifterett, jf. § 2-7. § 2-10 gjeld tilsvarende.»

I høyringsnotatet s. 117-118 nevnes spørsmålet om lagmannsretten bør kunne settes sammen etter reglene i utkastet § 8-1 også i saker som gjelder anke over tingrettens avgjørelser i saker om grensetvister og i andre saker om rettsforhold som gjelder fast eiendom. Vi antar at det kan forekomme enkelte avgjørelser fra tingrettene der det kan være en fordel med jordskiftefaglig kompetanse blant dommerne, og som vil være egnet for ankebehandling med sammensetning etter § 8-1. Dersom det skal åpnes for også noen avgjørelser fra tingrettene skal behandles med slik sammensetning, er det viktig at det formuleres presist i loven hvilke avgjørelser som skal omfattes. Vi antar foreløpig at dette vil være mest aktuelt i de sakene hvor det i dag er «parallell kompetanse» hos tingrett og jordskifterett»

*Domstoladministrasjonen* uttaler:

«DA foreslår at jordskiftelagdommerne gis kompetanse til å delta i behandlingen av alle ankesaker om grenser og tinglige rettigheter i fast eiendom, enten de er behandlet i jordskifteretten eller tingretten i førsteinstans. Det bør på samme måte som ifølge utkastet § 8-2 første ledd, være opp til førstelagmannen å avgjøre om en av de tre dommerne skal erstattes med en jordskiftelagdommer. ... Jordskiftelagdommerens kompetanse kan for eksempel angis som «saker om grensen mellom eiendommer eller om rettigheter til fast eiendom». Vi antar at en slik regel hører hjemme i domstolloven, ettersom anvendelsesområdet er anker fra tingretten.»

Domstoladministrasjonen uttaler òg:

«Da lovutkastet § 8-2 andre ledd angir som unntaksregel at retten kan settes med to fagdommere, antar vi at unntaksregelen i skjønnsprosessloven § 34 om at retten i særlige tilfeller kan settes med tre fagdommere ikke kommer til anvendelse. Det burde gått klarere fram at det bare er hovedregelen i skjønnsprosessloven § 34 som gjøres gjeldende.

Det følger av andre ledd andre punktum at der retten settes med en fagdommer kan førstelagmannen bestemme om det skal være en jordskiftelagdommer eller en juridisk dommer. DA mener at det ved anke over jordskifteavgjørelser ikke bør åpnes for at retten kan settes uten en dommer med jordskiftefaglig kompetanse.»

Domstoladministrasjonen støttar vidare dei synspunkta som er referert ovanfor frå Agder lagmannsrett, om at det ved overskjønn bør vere valfritt om lagmannsretten ønskjer å nytte juridisk dommar eller jordskiftelagdommar. Dette er i tråd med arbeidsgruppa sitt forslag. Det blir vidare foreslått at slik samansetjing må vere valfri for lagmannsretten i alle overskjønn der jordskifterett og tingrett har parallell kompetanse.

*Agder lagmannsrett* uttaler:

«Regelen om sammensetning i § 8-2 første ledd må ses i sammenheng med § 8-3 første ledd om at anken skal behandles etter reglene i tvisteloven. Dette innebærer at anke over dommer som regel behandles ved en muntlig ankeforhandling etter tvisteloven § 29-16, mens anke over beslutninger (vedtak) og kjennelser (orskurd) primært behandles skriftlig etter § 29-15.

På et punkt vil forslaget etter min oppfatning kunne medføre en uhensiktsmessig løsning. Lovutkastet § 8-2 første ledd omfatter med ett unntak slike judisielle avgjørelser som i dag er gjenstand for anke til lagmannsrett. Unntaket jeg sikter til er det jordskifteloven omtaler som kjennelser om avvisning av «materielle grunner», hvor rettsmidlet er anke til jordskifteoverretten, se jordskifteloven § 61 tredje ledd bokstav a, sammenholdt med siste ledd. Motstykket er «avvisning av andre enn materielle grunner», dvs, formelle eller prosessuelle grunner, hvor rettsmidlet i dag er anke til lagmannsrett.»

Agder lagmannsrett uttaler òg:

«Ved overjordskifte må det praktisk sett anses utelukket å bestemme at lagmannsretten skal settes bare med juridiske fagdommer. Selv om fleksibilitet kan være av det gode, bør det fremgå direkte at retten i slike saker skal settes med jordskiftelagdommer med tillegg av meddommere. Saken må også forberedes av jordskiftelagdommeren. Adgangen til å erstatte én meddommer med en juridisk dommer i en forsterket rett i annet ledd tredje og fjerde punktum, er jeg enig i.

Sammensetningen ved overskjønn bør reguleres i en egen bestemmelse i nytt tredje ledd. Her er jeg enig i regelen om at retten etter førstelagmannens bestemmelse skal kunne settes med jordskiftelagdommer eller juridisk dommer.»

*Jordskifteoverrettane uttaler:*

«Vår tilslutning til forslaget om ein fusjon med lagmannsretten kviler på ein føresetnad om at jordskiftefagleg kompetanse skal være representert i lagmannsretten, og overprøve jordskifteavgjerdene. Slik forslaget er utforma kan førstelagmannen bestemme om det skal vere ein jordskiftelagdommar som skal lede retten ved ei anke over jordskifteavgjerd. Dette er etter vårt syn ikkje tilfredstillande, og her må lova sitt krav være absolutt og slik at retten i slike saker skal settast med ein jordskiftelagdommar. Disse sakene har eit faglig innhald som går rett inn i jordskiftelagdommaren sin kompetanse. Det ville også vere uheldig om det skulle utvikle seg forskjellig praksis i bruken av jordskiftelagdommar i desse sakene rundt om i dei forskjellige lagmannsrettane.

Dette kravet er ikkje like sterkt når det gjeld krav om overskjønn. Her er vi i større grad open for at førstelagmannen kan bestemme samansetjinga, igjen grunngeve med avviklingsomsyn i lagmannsretten. Sakshandsaming av anke over jordskifteavgjerd (overjordskifte) og krav om overskjønn bør etter vårt syn omtalast i to ulike ledd i denne paragrafen.

Etter forslaget skal retten ved anke over jordskifteavgjerd settast saman slik som bestemt i skjønnsprosessloven § 34. Etter vårt syn er det unødvendig å trekke inn skjønnsprosessloven for dei avgjerdene som skal handsamast som overjordskifte. Her bør reglane gå fram av jordskiftelova. Etter vårt syn bør ein i

eit overjordskifte bruke meddommarar frå utvalget av jordskiftemeddommarar, og talet på meddommarar bør være regulert i jordskiftelova. Ein bør i størst muleg grad unngå å trekke inn skjønnsprosesslova i desse spørsmåla.»

*Jordskifteoverrettane uttaler òg:*

«Endring i domstollova: Ved behandling av tvistesaker som kjem frå tingretten, i saker der det er parallell kompetanse hos jordskifterett og tingrett, bør det gjerast endring i domstollova slik at førstelagmannen kan sette inn ein jordskiftelagdommar som ein av dei tre fagdommarane. Det er i andre samanhengar argumentert med at ankebehandlinga må vere lik enten saken har gått for tingrett eller jordskifterett. Ei slik endring som her foreslått, er ein direkte oppfølging av ein slik argumentasjon. I slike saker er det også behov for den faglige kompetansen jordskiftelagdommarane har. Ved å gjere ei slik endring i domstollova, ville jordskiftelagdommarane også bli meir integrert i lagmannsrettens kollegium. Vi viser her til det som står i høyringskrivet på side 117-118.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverrettsleiareren i Frostating jordskiftedømme uttaler:*

«Dersom meddommere, eller etter dette skjønnsmedlemmer, skal hentes fra utvalget av skjønnsmedlemmer, ved anke over jordskifteavgjerder, må det sikres at disse medlemmene har kunnskap om jordskiftefaglige tema. Alternativt kan det vurderes et felles utvalg for skjønnsmedlemmer og jordskiftemeddommere.

Fra skjønnsprosessloven § 34, 3.ledd siteres:

«Under skjønnsforretningen tiltrer skjønnsmedlemmene i samme antall som ved underskjønnet.»

Jordskifteretten er ikke satt sammen som skjønnsrett ved behandlingen av jordskifteavgjerder og har følgelig ikke skjønnsmedlemmer. Hva skal da legges til grunn ved sammensetning av lagmannsrett ved anke over jordskifteavgjerder? Jordskiftedommeren kan være enedommer, hvor mange skjønnsmedlemmer skal da lagmannsretten settes med?

Etter vårt syn er det uheldig at det er opp til førstelagmannen å avgjøre om retten skal settes med en jordskiftelagdommer eller en juridisk dommer ved anke over jordskifteavgjerder.

der. Det må være utvilsomt at jordskiftelagdommeren har best kompetanse i slike saker. «

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler:

«Vi foreslår at lagmannsrettene i den enkelte sak sammensettes slik at de avgjørelser som jordskifteoverrettene i dag har kompetanse til å treffe blir satt med jordskiftelagdommer. Vi foreslår vidare at lagmannsretten settes med jordskiftelagdommer i alle ankesaker fra jordskifterett. Dette innebærer at ved anke over dom, rettsfastsetting og skjønn skal lagmannsretten settes med en jordskiftelagdommer. ...

Vi mener at det bør vurderes om lagmannsretten bør settes med jordskiftelagdommer også i andre saker for eksempel tingsretts- og ekspropriasjonssaker.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* uttaler:

«I § 8-2 andre ledd er det foreslått at førstelagmannen skal ta stilling til om retten skal bli satt med en jordskiftelagdommer eller en juridisk dommer. Ved overprøving av jordskifteavgjerd må retten settes med en jordskiftelagdommer. En juridisk dommer har ikke tilstrekkelig kompetanse til å erstatte en jordskiftelagdommer i sike saker. Etter vår vurdering, er dette en forutsetning for endring av rettsmiddelordningen. Vi er også av den formening at jordskiftekompetanse bør brukes ved overskjønn der skjønnet er holdt av jordskifteretten.

Vi vil vidare peke på at ved overprøving av dommer fra jordskifterett bør være en jordskiftelagdommer blant de tre fagdommerne. Dette er spesielt viktig ved overprøving av semjedom. En kan si at semjedom er bruk av jordskifteprosess på rettsfastsetting.

...

I tillegg mener vi det bør være mulig for førstelagmannen å bestemme at en juridisk dommer blir erstattet av en jordskiftelagdommer i andre saker som blir anket fra tingretten og som omfatter fast eiendom i ulike sammenhenger.»

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* uttaler:

«Lovteksten bør endres slik at det fremgår at lagmannsretten skal settes med jordskiftelagdommer ved alle anker fra jordskifteretten.

Dersom dette ikke får gjennomslag, mener vi at avgjørelsene nevnt i § 8-2 andre og tredje ledd skal behandles av en jordskiftelagdommer. I tillegg mener vi at jordskiftelagdommer skal delta i behandling av anke over semjedom/rettsfastsetting og anke over kjennelse der saken nektes fremmet. Semjedom/rettsfastsetting er en avgjørelsesform som er særegen for jordskifterettene og der en benytter jordskifteprosess for å fastsette gjeldende rett. Vi vil anta at anke over fremmingsvedtaket, slik lovforslaget nå er utformet, i hovedsak vil gjelde anke på hvorvidt de materielle vilkårene for fremme av saken er til stede. En jordskiftefaglig vurdering av dette forholdet bør sikres.»

#### 14.4.3 Departementets vurderingar

Forslaget er ei nyskaping i høve til gjeldande reglar der ulike avgjerder kan ankast til ulike domstolar. Høyingsinstansane synest vere samde med arbeidsgruppa i at lagmannsretten bør setjast saman ulikt alt etter kva anken gjeld. Departementet legg dette til grunn, og foreslår ei slik tilnærming. Forslaget går fram av lovforslaget § 8-7 som òg viser til domstollova § 12.

I store trekk gir høyingsinstansane likearta råd om kva som bør endrast i høve til forslaget i høyingsnotatet. Dette gjeld mellom anna rolla til jordskiftelagdommaren, bruken av meddommarar, og rolla til førstelagmannen.

##### 14.4.3.1 Rolla til jordskiftelagdommaren

Departementet merker seg at mange av høyingsinstansane er opptekne av rolla til jordskiftelagdommaren ved behandlinga av anke over jordskifteavgjerder, og at mange går imot den valfridomen høyingsnotatet legg opp til på dette punktet. Slike synspunkt er mellom anna tekne opp av lagmannsrettane, Justisdepartementet, Domstoladministrasjonen og jordskiftedomstolane. Departementet ser at desse ankesakene er kjerneoppgåver for jordskiftelagdommaren, og at det ikkje er ønskjeleg at andre dommarar skal ha ansvaret for desse sakene. Sakene har eit fagleg innhald som går rett inn i den kompetansen jordskiftelagdommaren har. Valfridom for førstelagmannen på dette punktet opnar dessutan for ulik praksis i dei ulike lagmannsrettane. Dette meiner departementet vil vere uheldig. Departementet foreslår derfor å lovfeste at jordskiftelagdommaren skal delta ved behandling av anke over jordskifteavgjerd, sjå lovforslaget § 8-7 andre ledd. Forslaget går lenger enn forslaga frå arbeidsgruppa.

Departementet meiner at dette òg må gjelde i dei tilfella der jordskifteavgjerd skal prøvast saman med andre avgjerder som for eksempel ein dom eller eit skjønn. Forslaget går fram av lovforslaget § 8-7 tredje ledd andre punktum. Gjeld ankesaka jordskifte og skjønn i kombinasjon, er skjønnet etter lovforslaget § 6-23 femte ledd bokstav d definert som ei jordskifteavgjerd. Valfridomen som er fastsett etter skjønnsprosesslova § 34 første ledd som inneber at det skal gjerast eit val mellom alle dommarane i lagmannsretten gjeld etter dette ikkje slike saker.

Mange har òg teke til orde for at jordskiftelagdommaren skal delta ved overskjønn der jordskifterettane har halde skjønnet som eiga sak. Departementet kan ikkje sjå at det er grunnlag for påbod om dette. Bortsett frå avgjerd etter rein driftslova held lagmannsretten etter gjeldande rett overskjønnet i skjønn eller anna avgjerd etter lovforslaget kapittel 5 som jordskifteretten held som eiga sak. Lagmannsretten held òg overskjønn for avgjerder i tingrettane, og har stor erfaring i prøving av skjønn. Omsynet til fleksibilitet i domstolen taler rett nok for at samansetjinga ikkje er bunden til å vere ein juridisk dommar. Departementet meiner likevel at det er tilstrekkeleg at førstelagmannen i slike høve kan velje å nytte ein jordskiftelagdommar som formannen i retten. Dette samsvarer med forslaget i høyringsnotatet. Ei slik ordning vil etter departementets syn vere forsvarleg, både fagleg og organisatorisk. Når jordskifteoverretten blir ein del av lagmannsretten følgjer denne løysinga av ordlyden i skjønnsprosesslova § 34 slik lova er utforma i dag, jf. at jordskiftelagdommaren kjem inn under omgrepet «en av rettens dommere». Førstelagmannen vil såleis kunne fordele overskjønn både frå tingretten og frå jordskifteretten til ein jordskiftelagdommar. Departementet foreslår derfor inga lovendring på dette punktet.

Forslaget i høyringsnotatet om at eit reint overskjønn skal kunne setjast med både jordskiftekompetanse og juridisk kompetanse er òg i behald med denne løysinga. Departementet viser til ordlyden i § 34 første ledd andre alternativ som fastset at førstelagmannen, om særlege grunnar gjer dette nødvendig, kan bestemme at tre dommarar skal ta del i overskjønnet.

Mange høyringsinstansar har òg foreslått at jordskiftelagdommaren skal delta ved behandling av anke over dom avsagt av jordskifteretten. Departementet er samd med dei som uttaler at det for mange av sakene som kjem frå jordskifterettane vil vere ein fordel om lagmannsretten er sett saman med jordskiftelagdommar som ein av

dei tre fagdommarane. Departementet vil likevel peike på at lagmannsretten bør vere ein effektiv organisasjon, og ved å stille krav om at jordskiftelagdommaren skal delta i behandlinga av fleire slag ankesaker, kan det gjere det vanskelegare å avvike ankesaker frå jordskifterettane enn andre saker i lagmannsretten. Departementet foreslår derfor at samansetjinga i lagmannsretten skal følgje hovudregelen i domstollova § 12 ved anke over dom, orskurd eller vedtak. Departementet foreslår samstundes eit nytt ledd i domstollova som fører til at førstelagmannen kan bestemme at ein av dei tre juridiske dommarane kan vere jordskiftelagdommar. Departementet held etter dette fast ved forslaget til arbeidsgruppa, slik at det blir opp til førstelagmannen i kvart enkelt tilfelle å avgjere om ein jordskiftelagdommar skal gå inn som ein av tre fagdommarar i slike saker. Forslaget går fram av lovforslaget §§ 8-7 fjerde ledd og 9-7 nr. 1 domstollova § 12 nytt andre ledd første punktum. Sjølv plasseringa av regelen om kompetansen til førstelagmannen – om han bør stå i jordskiftelova eller domstollova – er ei avveging av kva som er mest tenleg.

Fleire høyringsinstansar foreslår at retten skal kunne setjast med ein jordskiftelagdommar òg ved anke over tvist avgjort av tingretten når saka gjeld rettshøve knytt til fast eigedom. Domstoladministrasjonen, Justisdepartementet, lagmannsrettane sjølv og jordskiftedomstolane har alle peika på at dette hadde vore ei naturleg følgje av at jordskiftelagdommaren blir ein del av lagmannsretten. Jordskifteoverrettane har vist til at ei slik endring opnar for at anke over like saker kan behandlast likt uavhengig av om det var tingrett eller jordskifterett som avgjorde spørsmålet i førsteinstans. Departementet peikar på at det først og fremst er omsynet til fleksibilitet i domstolen som er grunnivinga for valfridomen ved samansetjinga av retten som departementet foreslår i lovforslaget § 8-7. Om det blir lagt opp til valfridom i slike høve, har lovgjevaren til ein viss grad akseptert risikoen for forskjellsbehandling som følgjer av at ankebehandlinga vil byggje på ulik kompetanse i ulike saker. Departementet kan likevel ikkje sjå at omsynet til fleksibilitet i domstolen har mindre å seie i saker som dette, og legg til grunn at lovgivinga bør leggje til rette for den same valfridomen i slike tvistesaker som ved anke over dom som er omtala ovanfor. Forslaget går fram av lovforslaget domstollova § 12 nytt andre ledd andre punktum. Det er avgrensa til saker som gjeld bruks- eller eigedomsrett til fast eigedom.

Arbeidsgruppa foreslår at rolla jordskiftelagdommaren skal ha skal regulerast av jordskiftelova § 8-2. Etter innspela som er komne i høyringsrunden, meiner departementet at det vil vere ei betre løysing å tilføye eit nytt ledd i domstollova § 12 som viser at jordskiftelagdommaren kan nytast ved anke over bestemte sakstypar. Forslaget omfattar alle ankesaker frå jordskifterettane. I tillegg tek forslaget med seg at jordskiftelagdommaren kan brukast dersom førstelagmannen fastset dette. Sjå lovforslaget § 9-7 nr. 1 domstollova § 12 forslag til nytt andre ledd. Forslaget fører til at det er nok å vise til domstollova § 12 i lovforslaget § 8-7.

#### 14.4.3.2 *Meddommarar i lagmannsretten ved behandling av sak frå jordskifteretten*

Mange av høyringsinstansane er opptekne av kva for utval meddommarane skal oppnemnast frå, sjå for eksempel uttalen frå jordskifterettsleiarane i Frostating jordskiftedømme som er referert i kapittel 14.4.2. I høyringsnotatet er forslaget at meddommarane skal hentast frå meddommarutvala etter skjønnsprosesslova.

Etter gjeldande rett skal jordskifteoverretten nytte meddommarar frå jordskifteutvalet. Meddommarane skal helst ha kunnskap i det jordskiftet gjeld, og ved overjordskifte skal meddommarar helst ha erfaring som meddommar, jf. jordskiftelova § 9 femte ledd. Departementet er samd med dei høyringsinstansane som peikar på at det er viktig at det er jordskiftemeddommarar i lagmannsretten. Jordskiftemeddommarane er viktige for at jordskifteretten skal ta avgjerder som er praktiske og gode for partane. Dei har forståing for lokal kultur og rettsoppfatning. Mange har òg praktisk innsikt. Lagmannsretten har behov for slik kompetanse når retten skal behandle anke over jordskifteavgjerd. Departementet meiner derfor at det er viktig å ha meddommarar med i lagmannsretten.

Eit anna spørsmål er kva for utval meddommarane skal hentast frå. Departementet meiner at meddommarane i jordskifteutvala er valde ut nettopp for å løyse saker som kjem for jordskifteretten. Sjølv om òg medlemmene frå utvala som er nemnde opp etter skjønnsprosesslova kan ha liknande kompetanse, er det grunn til å tru at bakgrunnen for medlemmene i slike utval vil variere noko meir enn i jordskifteutvala. Når departementet dessutan no foreslår ei løysing der jordskiftelova gjeld som prosesslov i lagmannsretten ved jordskifteavgjerder, meiner departementet at ei løysing med meddommarar frå jordskifteutvala vil

vere meir tenleg ut frå prosestetekniske omsyn. Departementet foreslår derfor å føre vidare ordninga etter gjeldande rett på dette området. Lagmannsretten skal såleis oppnemne meddommarar frå utvalet etter jordskiftelova for behandling av anke over jordskifteavgjerd i lagmannsretten. Forslaget går fram av lovforslaget § 8-7 andre ledd første punktum som viser til lovforslaget § 2-5.

Eit anna spørsmål er talet på meddommarar ved behandling av anke over jordskifteavgjerd. Arbeidsgruppa foreslår at retten skal setjast saman etter regelen i skjønnsprosesslova § 34. Som det er gjort greie for i kapittel 14.3.4, foreslår departementet å følgje prosessreglane i jordskiftelova. Det fører til at det er nødvendig å ha eigne reglar om talet på jordskiftemeddommarar i jordskiftelova. Etter gjeldande rett blir jordskifteoverretten normalt sett med fire meddommarar. Etter departementets syn er ikkje talet på meddommarar det sentrale, men at kunnskapen dei representerer er til stades i retten. Det er såleis ikkje ønskjeleg å bruke fleire meddommarar enn det som trengst. Departementet meiner det er forsvarleg å redusere talet på meddommarar, og foreslår at lagmannsretten, ved behandling av anke over jordskifteavgjerd som hovudregel skal setjast med jordskiftelagdommar og to jordskiftemeddommarar. Forslaget går fram av lovforslaget § 8-7 andre ledd første punktum.

Partane dekkjer utgifter til meddommarane, og slike utgifter kan vere ein vesentleg del av kostnadene med saka. Departementet foreslår at ein part kan krevje to ekstra meddommarar. I slike høve vil førstelagmannen treffe endeleg avgjerd om samansetjinga av retten. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 8-7 andre ledd andre punktum.

#### 14.4.3.3 *Tilhøvet mellom fagdommarar og meddommarar*

Arbeidsgruppa foreslår at ein skal kunne setje saman lagmannsretten slik at ein får større innslag av fagdommarar, med både «juridiske» dommarar og jordskiftelagdommar i same rett. Dette er framheva som ei god løysing i tiltaksjordskifta der både skjønn og jordskifteavgjerd kan vere anketema, men òg der tvist og jordskifteavgjerd skal behandlast i ei og same sak for lagmannsretten slik at det er viktig med breidde i kompetansen. Høyringsinstansane gir i liten grad kommentarar til dette. Departementet ser på forslaget som ein aktuell måte å setje saman lagmannsretten på, godt tilpassa dei komplekse sakene jordskifterettane har til behandling.



Konkret foreslår arbeidsgruppa at retten skal setjast saman med to fagdommarar og tre meddommarar. Departementet meiner ei slik samansetjing krev mykje ressursar. Løysinga kan derfor vere eigna i større saker, for eksempel i store tiltaksjordskifte. Ho er òg tilpassa behandling av anke som gjeld små men komplekse jordskifteavgjerder der ein ønskjer at meddommarar er representerte i retten.

Sjølv om meddommarane normalt er i fleirtal i det norske rettssystemet, er det unntak frå dette. Eksempel på dette er finnmarkslova § 36 der tre av fem medlemmer skal oppfylle krava i domstollova til å vere høgsterettsdommar. Departementet meiner at det mest sentrale i jordskiftesamanheng er at den kunnskapen jordskiftemeddommaren har er representert. Dersom ein kan setje lagmannsretten med tre dommarar, der ein av dei er meddommar, blir retten sett saman på ein mindre kostnadskrevjande måte enn ved ei samansetjing med fem dommarar. Samtidig gir ei slik løysing ei samansetjing som er eit godt alternativ til ei rein samansetjing av fagdommarar etter domstollova § 12. For å gjere samansetjinga av retten meir anvendeleg òg i mindre saker, foreslår departementet ein regel som gjer det mogleg å setje retten med berre ein meddommar. Da får ein tre medlemmer i retten. Det er jordskiftelagdommar, juridisk dommar og meddommar. Det kan vere ein eller tre meddommarar. Forslaget er teke inn i lovforslaget § 8-7 andre ledd.

#### 14.4.3.4 *Rolla til førstelagmannen ved samansetjinga av retten*

Departementets forslag til samansetjing av lagmannsretten ved ankebehandling over saker frå jordskifteretten opnar for stor grad av fleksibilitet. Fleksibiliteten er knytt til kva for avgjerd som det er anka over, kompleksiteten i den enkelte saka, og ressursituasjonen i den domstolen saka høyrer heime. Det er i liten grad partane som kan krevje ei bestemt samansetjing av retten. Avgjerda om dette er i hovudsak lagt til førstelagmannen. Denne løysinga er vald fordi at om partane sjølv skal ha høve til å velje, kan ein risikere så mange ulike løysingar at det fort vil bli uryddig.

Når departementet i lovforslaget § 8-1 foreslår at alle avgjerder skal kunne ankast til lagmannsretten, må «ryddinga» av ankebehandlinga i større grad enn tidlegare ligge til domstolen sjølv. Dette krev administrative og organisatoriske verkøy for domstolen. Departementet foreslår som eit slikt verkøy at førstelagmannen får ei sentral rolle

ved samansetjinga av retten. Eit liknande verkøy er utarbeidd i lovforslaget § 8-1 sjetle ledd der det er fastsett at anke over ulike sakstypar kan samlast i ei ankesak. Òg i dette tilfellet foreslår departementet at avgjerda skal leggjast til førstelagmannen. Sjå omtale av dette i kapittel 14.3.3.5.

Førstelagmannen har etter gjeldande lovverk heimel for å fastsetje kva for dommarkompetanse som skal takast i bruk ved avgjerd av ei enkelt sak. Etter domstollova § 11 første ledd skal førstelagmannen fordele saker mellom dommarane ved domstolen. Om lagmannsretten er delt i avdelingar, kan førstelagmannen etter fjerde ledd fordele sakene mellom avdelingane. Han kan bestemme kva for oppgåver dommarane skal gjere. Førstelagmannen kan etter domstollova § 12 andre ledd òg fastsetje at det skal vere med ein dommar som varamedlem i saker som er særns omfattande. Han kan dessutan etter § 10 andre ledd tilkalle dommarar frå tingrettane, eller frå eit anna lagdømme. Etter skjønnsprosesslova § 34 første ledd andre alternativ kan førstelagmannen òg fastsetje samansetjinga av fagdommarar i overskjønnet.

Rolla til førstelagmannen om å leggje til rette for ei tenleg ankebehandling ut ifrå det saka gjeld og dei ressursane som finst i domstolen, er såleis ikkje ny. Det er mange ulike avgjerdsformer i jordskifteretten. Det er òg eit mangfald av saker, frå dei heilt enkle sakene til omfattande og vanskelege saker gjerne med mange involverte partar. Lovforslaget gjer rolla til førstelagmannen meir synleg enn gjennom dei løysingane som eksisterer i dag. Slik departementet foreslår ny jordskiftelov, vil førstelagmannen få følgjande oppgåver ved avgjerder som er anka frå jordskifterett:

Etter lovforslaget § 8-7 fjerde ledd fastset førstelagmannen kven som skal førebu saka i lagmannsretten. I slike høve er den kompetansen førstelagmannen har avgrensa slik at ei jordskifteavgjerd alltid skal førebuast av ein jordskiftelagdommar. Dette følgjer av hovudregelen i lovforslaget § 8-7 andre ledd første punktum der det er lagt til grunn at lagmannsretten skal setjast med ein jordskiftelagdommar og to oppnemnde jordskiftemeddommarar.

I lovforslaget § 8-7 fjerde ledd er det lagt til grunn at førstelagmannen kan fastsetje kven som skal vere leiar av retten.

Lovforslaget § 8-7 første ledd fastset at samansetjinga av retten skal følgje domstollova § 12 i saker som gjeld dom, orskurd eller vedtak. Etter domstollova § 12 første ledd skal retten setjast med tre dommarar. Rolla førstelagmannen har følgjer i slike høve av domstollova § 11 første ledd der det er fastsett at førstelagmannen fordeler

sakene mellom dommarane ved domstolen. I lovforslaget domstollova § 12 nytt andre ledd første punktum er det lagt til grunn at førstelagmannen kan fastsetje at ein av dei tre dommarane skal vere jordskiftelagdommar.

Etter lovforslaget § 8-7 andre ledd som gjeld jordskifteavgjerd kan førstelagmannen, om ein part krev det, fastsetje at lagmannsretten skal setjast med fire oppnemnde jordskiftemeddommarar. Førstelagmannen kan òg fastsetje at lagmannsretten skal setjast med både jordskiftelagdommar og juridisk dommar. I slike tilfelle skal retten setjast med ein eller tre jordskiftemeddommarar. Som jordskifteavgjerd blir òg rekna anke over skjønn og andre avgjerder etter lovforslaget kapittel 5 i samband med sak for jordskifteretten, sjå lovforslaget § 6-23 fjerde ledd bokstav d.

Er avgjerda i jordskifteretten eit reint skjønn gjeld skjønnsprosesslova § 34 andre ledd. I slike høve blir retten sett med ein dommar frå lagmannsretten, men førstelagmannen kan i unntakstilfelle fastsetje at det skal vere tre dommarar.

Lovforslaget § 8-7 tredje ledd gjeld der det er anka over ulike avgjerder i same sak og avgjerdene er samla i ei ankesak etter lovforslaget § 8-1 sjette ledd. I slike høve fastset førstelagmannen samansetjinga av retten. Det er berre lagt inn ei avgrensing av kompetansen til førstelagmannen. Dersom jordskifteavgjerd er ei av avgjerdene, skal jordskiftelagdommaren alltid delta ved behandlinga. I avgjerder som er anka frå tingretten er òg oppgåva til førstelagmannen med å setje saman retten styrkt. Sjø lovforslaget domstollova § 12 nytt andre ledd andre punktum.

Det er lagt til grunn i lovforslaget § 8-7 femte ledd og domstollova § 12 nytt andre ledd tredje punktum at avgjerdene førstelagmannen tek i spørsmål som gjeld å samle fleire avgjerder i ei ankesak og samansetjinga av retten ikkje kan ankast.

Departementet meiner at den organisatoriske førande rolla førstelagmannen er gitt i lovforslaget er nødvendig for å sikre forsvarleg behandling av dei ulike avgjerdene i lagmannsretten. Forslaga som er omtala i lista over er såleis ei nødvendig følge av forslaget om at anke skal gå til lagmannsretten. Forslaga er nokså like dei forslaga som blei sende på høyring. Departementet har i samband med dette merkt seg at høyringsinstansane i liten grad kommenterer den rolla førstelagmannen er gitt i høyringsforslaget. I den grad det er gitt kommentarar, er det merknader om at førstelagmannen ikkje skal kunne bestemme at jordskiftelagdommaren ikkje deltek i retten der det er

anka over avgjerd som krev jordskiftefagleg kompetanse.

## 14.5 Tidspunkt for når ein anke skal kunne fremjast

### 14.5.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 8-4 første ledd å føre vidare hovudregelen om når det kan ankast over ei avgjerd. I høyringsnotatet visast det samstundes til at det òg i den nye lova må leggjast til rette for at dei rettsfastsetjande avgjerdene kan bli rettskraftig avgjorte før jordskifteretten tek til med behandlinga av dei rettsendrande avgjerdene. Omsynet til proporsjonalitet og prosessøkonomi talar for at dommaren kan ta stilling til førehands påanke i kvart enkelt tilfelle, og at kompetansen dommaren skal ha til å avgjere dette bør utvidast. Forslaget byggjer derfor på at det i større grad må vere opp til jordskiftedommaren å avgjere om eit spørsmål skal stillast til førehands påanke, enn i gjeldande jordskiftelov. Dette fører til at trinnvis behandling i praksis kan la seg gjere i større kompliserte saker. I høyringsnotatet foreslår arbeidsgruppa at føresegnene om avgjerd som gjeld nabo til skiftefeltet, og kompetansen jordskifteretten har til å setje avgjerder til førehands påanke, skal oppretthaldast i ny lov. Forslaga går fram av høyringsforslaget § 8-4.

Høyringsnotatet byggjer elles på at det må vere mogleg å anke eit vedtak om å setje ei avgjerd til førehands påanke etter reglane i tvistelova § 29-3 tredje ledd, jf. høyringsforslaget § 8-4 tredje ledd.

Er det anka, må slutting eller iverksetjing av jordskiftet utsetjast. Ei slik føresegn finst i jordskiftelova § 64, og blei òg teken inn i høyringsforslaget § 8-4 fjerde ledd.

### 14.5.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* uttaler:

«Vi ser at det er behov for å videreføre en adgang til forhåndspåanke av noen av jordskifterettens avgjørelser. Etter det vi forstår er det meningen at utkastet § 8-4 annet ledd skal videreføre retten til forhåndsanke for den som er nabo til skiftefeltet, jf. gjeldende jordskiftelov § 62 annet ledd. Vi antar at «granne» da fortsatt bør nevnes i annet ledd.»

Elles har Justisdepartementet merknader til teksten i høyringsforslaget. Mellom anna ein kommentar til at ordet «rettsmiddel» i jordskiftelova bør erstattast av ordet «anke».

*Domstoladministrasjonen* uttaler:

«DA slutter seg til innholdet i denne bestemmelsen. Vi mener imidlertid at det i andre ledd kan gjeres språklige forbedringer som vil gjere bestemmelsen lettere tilgjengelig. Vi foreslår at andre ledd får slik ordlyd:

Anke over dom eller semjedom frå ein som ikkje er godkjent som eigar eller bruksrettshaver i jordskifteområdet, kan bli fremma straks.»

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* har forslag til språklege endringar til forslaget til § 8-4 slik at uttrykket avgjort heile saka blir endra til at saka blir slutta. I tillegg foreslår dei å fjerne tredje ledd siste punktum.

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* uttaler følgjande:

«I § 8-4 tredje ledd heter det at «jordskifteretten kan gjere vedtak om at rettsmiddel kan bli brukt før heile saka er avgjort». Av merknadene til paragrafen går det fram at tredje ledd bygger på § 62 femte ledd og at avgjørelsen om når anken kan bli fremma, må som etter gjeldende lov, tas inn i vedtaket. Det står vidare at retten ikke senere vil kunne gjere vedtak om å sette en avgjørelse til forhånds påanke.

Vi mener det ikke er tilstrekkelig at det kun i merknadene til denne bestemmelsen står at vedtak om påanking straks må tas inn i den avgjørelsen dette gjelder. Slik tredje ledd nå er utformet, kan det synes som om jordskifteretten vil kunne gjere vedtak om dette når som helst under saksgangen. Ut fra praktiske erfaringer mener vi det i visse tilfeller kan være prosessøkonomiske fordeler med å avvente tidspunktet for når det kan brukes rettsmiddel mot en avgjørelse. Et eksempel er der jordskifteretten avsier flere dommer i en og same sak. I et slikt tilfelle kan det være fordelaktig at alle dommene settes til påanking samtidig. Vi mener at dette bør være mulig eventuelt ved at det i avgjørelsen tas inn bestemmelse om at rettsmiddel kan benyttes når spesielle vilkår er oppfylt, for eksempel alle rettsforhold er avklart og jordskifteområdet klart for verdsetting»

#### 14.5.3 Departementets vurderingar

Sjølv om det er lagt til grunn i lovforslaget § 8-1 at dei ulike avgjerdene kan ankast, er det ikkje sjølv sagt at dei skal kunne angripast før det er gjort ei

realitetsavgjerd i saka, eller før heile saka er avslutta. Ein anke kan for eksempel gjelde eit vedtak om å nekte å oppnemne ein sakkyndig. Slik anke er aktuell under saksførebuinga, og rett etter at vedtaket er gjort. Men vedtaket kan ankast som ledd i ein anke over realiteten i saka når ho er avgjort av retten, og da som eit angrep på saksbehandlinga som låg til grunn for realiteten.

Gjeldande jordskiftelov § 62 andre ledd og tvistelova har ulike reglar som regulerer dette. I tvistelova er utgangspunktet at det ikkje er nokon regel om at heile saka skal vere avslutta. Det er samstundes gjort ei rekkje unntak frå utgangspunktet. I gjeldande jordskiftelov er utgangspunktet motsett. Saka må vere avgjort og avslutta før det er mogleg å anke. Gjeldande jordskiftelov har òg ei rekkje unntak frå utgangspunktet. Dei ulike utgangspunkta og unntaka i lovene speglar såleis behovet for konkrete løysingar tilpassa innhaldet i sakene som dei to lovene gjeld.

Unntaka i gjeldande jordskiftelov fører til at partane kan få høve til å anke straks avgjerda er teken, sjølv om ikkje heile saka er avslutta. Unntaka trengst fordi det i jordskiftesaker ofte blir teke avgjerder som legg premisser for sjølv jordskifteløysinga. Det kan for eksempel takast stilling til gjeldande grenser ved ein dom. Deretter blir det teke jordskifteavgjerder, om for eksempel verdsetjing og midlertidig bruksordning, og til sist ei avsluttande jordskifteavgjerd og avgjerd om kostnadene i samband med saka.

Det er viktig å sikre at feil kan rettast opp undervegs slik at dei ikkje får innverknad på den avsluttande avgjerda. På den andre sida har òg tids- og forsinkingsaspektet vekt. Bruk av særskilte rettsmiddel mot avgjerder undervegs i saka kan forseinke framdrifta i saka. For nokre avgjerder kan det dessutan vere lettare i ettertid, når saka er avgjort og avslutta, å ta stilling til om avgjerda var forsvarleg. Eit eksempel på dette er avgjerd førstelagmannen gjer om samansetjinga av retten, sjå lovforslaget § 8-7. Det kan for eksempel òg gjelde for avgjerder som isolert sett ikkje er så viktige at det vil vere enklare å overprøve dei når dei blir sett i samanheng med behandlinga elles.

Ein ryddig måte å kanalisere bruken av rettsmiddel på i slike høve kan vere at ein dom som gjeld grenser eller eigedomstilhøve blir rettskraftig før retten byrjar arbeidet med dei rettsendrande avgjerdene. Dette kjem til uttrykk ved at i dei tilfella der dom gjeld grense mot ein naboeigedom til skiftefeltet, har eigar av naboeigdommen ein lovfesta rett til å anke dommen straks, jf. gjeldande jordskiftelov § 62 andre ledd. Gjeld dommen mellom partane i jordskiftet, kan jordskifte-

retten avgjere at dommen kan setjast til førehands påanke. Retten må da ta eiga avgjerd om førehands påanke samtidig med, og som ein del av, dommen. I nokre andre høve kan retten stille andre avgjerder enn dom til førehands påanke, sjå gjeldande jordskiftelov § 62 fjerde og femte ledd. Dette gjeld vedtaket om å fremje jordskifte, og tiltak som det hastar med å setje i verk. Dei avgjerdene som er nemnde i jordskiftelova § 61 tredje ledd, må òg ankast straks om ein vil prøve ei slik avgjerd. Dette er den type avgjerder som ein etter tvistemålslova måtte nytte kjæremål mot. Ut over dette må partane etter gjeldande jordskiftelov vente med å bruke rettsmiddel til etter at jordskiftesaka er avslutta. Tanken med dette er at partane skal sjå den totale løysinga på saka, før dei eventuelt kan nytte rettsmiddel mot avgjerda.

Høyringsrunden viser at det er få merknader til høyringsforslaget, som i store trekk fører vidare gjeldande ordning.

Departementet meiner at hovudregelen i saker frå jordskifteretten bør byggje på gjeldande ordning. Dette gir moglegheit for at partane kan sjå heile løysinga før dei tek stilling til om dei ønskjer å anke avgjerda. Det er sluttresultatet som må prøvast mot situasjonen slik han var før jordskiftet starta. Det er for eksempel vanskeleg å ta stilling til verdsetjing eller bonitering aleine. Først når resultatet viser seg i form av ny eigedomsutforming er det rimeleg å vente at ein part kan ta stilling til spørsmålet om anke. Hovudregelen bør såleis vere som i gjeldande rett at anke berre kan brukast når jordskifteretten har avgjort heile saka. Hovudregelen går fram av lovforslaget § 8-2 første ledd.

Gjeldande jordskiftelov § 62 første ledd gjeld etter sin ordlyd berre ved jordskifte, jf. formuleringa «før jordskiftet er slutt». I praksis er regelen tolka slik at alle avgjerdsformene er omfatta. Formuleringa i lovforslaget § 8-2 første ledd byggjer vidare på dette, og gjeld generelt for alle avgjerder.

Departementet finn ikkje at den språklege endringa som er foreslått av jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme bør innarbeidast. Ein viser til at omgrepet har «avgjort heile saka» er lett å forstå òg for sjølvprosedierende partar.

Etter gjeldande jordskiftelov § 61 tredje ledd bokstav a til h, kan partane anke for nokre avgrensa prosessuelle tilhøve. Det går fram av gjeldande jordskiftelov § 62 tredje ledd at slike avgjerder kan ankast straks, det vil seie før heile saka er avgjort. Det går fram av lovforslaget § 8-1 andre ledd at ved anke over orskurd eller vedtak gjeld reglane i tvistlova fullt ut. Fristen for å anke

slike avgjerder vil såleis som eit utgangspunkt vere fastsett i tvistelova § 29-5 første ledd til ein månad etter at saka for jordskifteretten er avgjort. Karakteren av avgjerdene gjer det nødvendig å kunne prøve dei før saka for jordskifteretten er avgjort, om ei overprøving skal ha noko å seie. Departementet foreslår derfor ein regel om at ei orskurd kan ankast når ho er avsagt. Regelen går fram av lovforslaget § 8-2 andre ledd. Etter lovforslaget er regelen generell, og gjeld alle orskurder. Dette er ei utviding av regelen i høve til gjeldande jordskiftelov. Saksbehandlingsregelen i gjeldande jordskiftelov § 61 tredje ledd andre punktum som inneber at opplysing om dette, om frist etter § 63 første ledd og at avgjerda ikkje kan ankast seinare skal vere teken inn i avgjerda, blir ikkje ført vidare i lovforslaget.

Sjølv om lovteknikken i tvistelova og jordskiftelova er ulik med omsyn til tidspunktet for når det kan ankast, fører forslaget til eit resultat som liknar resultatet etter tvistelova § 29-2 andre til femte ledd.

Departementet foreslår ingen tilsvarende regel om når det kan ankast over vedtak (beslutningar). Slike avgjerder kan i svært avgrensa omfang overprøvast etter tvistelova § 29-3 tredje ledd. I ein jordskifteprosess som går over lang tid og med mange møter, er det eit mål i seg sjølv å avgrense tilhøve som kan stoppe eller seinke prosessen. Anke over vedtak vil såleis følgje hovudregelen i lovforslaget § 8-2 første ledd, med mindre jordskifteretten etter lovforslaget § 8-2 tredje ledd første punktum har fastsett at anke kan brukast før heile saka er avgjort.

Etter gjeldande praksis er det særleg ved dom at avgjerdene kan ankast straks. Etter gjeldande jordskiftelov § 62 andre ledd andre punktum kan jordskifteretten avgjere at ein dom eller ei rettsfastsetjande avgjerd etter gjeldande jordskiftelov § 17 kan ankast straks. Jordskifteretten kan òg fastsetje at anke kan brukast før heile saka er avgjort ved avgjerd om fremje av jordskifte etter gjeldande jordskiftelov § 14, og avgjerd som opnar for å setje i verk tiltak før jordskifte er slutt, sjå gjeldande jordskiftelov § 62 fjerde og femte ledd. Ein kan derfor vurdere å innføre ein regel om at dom kan ankast når avgjerda blir avsagt, medan andre avgjerder ikkje kan ankast før heile saka er slutt. Det er likevel eit særleg tilhøve for jordskifterettane, at det etterfølgjande jordskiftet eller skjønnet langt på veg kan fjerne dei ulempene ein part har av ein tapt dom. Med den store variasjonen som finst i sakstypar og problemstillingar for jordskifterettane, meiner departementet at den mest tenlege løysinga er at jordskifterettane vur-

derer spørsmålet om førehandsanke konkret i kvart enkelt høve. Departementet meiner derfor at løysinga må byggje på at jordskifteretten i kvart enkelt tilfelle vurderer om ein dom eller eit vedtak skal kunne ankast straks, eller om ein må vente til sluttresultatet av heile saka ligg føre. Løysinga går fram av lovforslaget § 8-2 tredje ledd første punktum.

Høyringsforslaget frå arbeidsgruppa opnar for at jordskifteretten i større grad enn før kan gjere vedtak om at anke kan brukast før heile saka er avgjort. Departementet er samd med arbeidsgruppa i at denne løysinga bør utvidast, men meiner samtidig at slik anke òg i ny lov bør vere ein unntaksregel. Forslaget går fram av lovforslaget § 8-2 tredje ledd første punktum.

Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme har vist til at eit vedtak om når ei avgjerd skal kunne angripast ved anke, både må kunne gjerast som ein del av sjølv avgjerda og som eit sjølvstendig vedtak. Dei meiner at dersom regelen blir slik at vedtak om at avgjerda skal kunne ankast før heile saka er avgjort berre kan takast samtidig med sjølv avgjerda, vil det hindre at jordskifteretten for eksempel samlar opp fleire avgjerder og set desse til anke på eit seinare trinn i saka utan at saka er slutta. Merknaden har samanheng med lovforslaget § 8-2 tredje ledd første punktum. Som følgje av lovforslaget § 8-1 sjette ledd om at anke over fleire avgjerder kan samlast til felles ankebehandling, ser departementet dette som ei sær praktisk problemstilling, og departementet er samd i at føresegna bør opne for å stille tidlegare avgjerder samla til anke. Slik lovforslaget § 8-2 tredje ledd første punktum er utforma er det ikkje stilt krav til når slikt vedtak skal gjerast. Dette opnar for den valfridomen som jordskifterettane i Agder jordskiftedømme etterlyser. Det vil likevel alltid vere eit krav at den aktuelle avgjerda skal forkynnast når ho kan ankast. Det mest rasjonelle vil truleg i mange høve vere å fastsetje i sjølv avgjerda at ho kan ankast før heile saka er avgjort.

I høyringsforslaget § 8-4 andre ledd foreslår arbeidsgruppa at om dom eller semjedom gjeld eigedom eller bruksrett for ein som ikkje er godkjent som eigar eller bruksrettshavar i jordskifteområdet, kan anken fremjast straks. Det vil seie sjølv om jordskifteretten ikkje har avgjort heile saka. Domstoladministrasjonen (DA) foreslår å endre ordlyden i denne føresegna. Andre høyringsinstansar peikar òg på at formuleringane er vanskelege. Departementet er samd i at teksten bør forenklast, men har valt ein annan ordlyd enn forslaget frå DA. Formålet med regelen er å få fastslått rettskraftig tilhøvet til den som ikkje skal

delta vidare i det rettsendrande arbeidet. Avgjerd om grensene mellom eigedommar i skiftetfeltet og eigedommar utanfor skiftetfeltet vil etter forslaget til DA kunne ankast før saka er avgjort. Grunnen er at anken gjeld partar som ikkje skal delta i det vidare jordskiftet. Etter departementets syn bør ikkje ankeretten knytast til parten, men til avgjerda slik at alle med rettsleg interesse i avgjerda kan anke innan same frist. Rettskraftverknaden vil da oppstå samtidig for partane. Regelen må vise at dei som ikkje blir partar i det vidare jordskiftet får denne retten til å anke sjølv om ikkje jordskifteretten har avgjort heile saka. Partane i jordskifteområdet kan òg anke i høve til naboen. Departementet nyttar i lovforslaget § 6-23 første ledd omgrepet dom slik at det både omfattar dom og rettsutgreiing, det vil seie dei avgjerdene som i høyringsnotatet kallast semjedom. Departementet foreslår at om dom gjeld eigedom eller bruksrett for ein som ikkje er godkjent som eigar eller bruksrettshavar i jordskifteområdet, skal slik avgjerd kunne ankast sjølv om ikkje jordskifteretten har avgjort heile saka etter lovforslaget § 8-2 første ledd. Formuleringa går fram av lovforslaget § 8-2 tredje ledd andre punktum. I dette ligg det at jordskifteretten må sørge for å forkynne dommen for alle partar som har interesse i avgjerda, med frist for å anke avgjerda til lagmannsretten. Sjå lovforslaget § 6-25 andre ledd om forkynning.

Justisdepartementet peikar på at ordlyden i høyringsforslaget ikkje dekkjer nabo til jordskifteområdet. Førehandsanke i slike saker er praktisk i dag, sjå gjeldande jordskiftelov § 62 andre ledd første punktum. Departementet ser at formuleringa ikkje har omfatta dette, og foreslår derfor eit eige punktum for grannar til jordskifteområdet. Forslaget går fram av lovforslaget § 8-2 tredje ledd tredje punktum.

I gjeldande jordskiftelov § 63 tredje ledd går det fram at tvistelova kapittel 29 gjeld så langt det høver. Ved anke over dom som lagmannsretten behandlar etter gjeldande jordskiftelov må det såleis leggjast til grunn at avgrensinga som følgjer av tvistelova § 29-3 tredje ledd gjeld. Departementet meiner likevel at omsynet til rettstryggleiken tilseier at dette bør gå direkte fram av ordlyden i lova. Sjå lovforslaget § 8-2 tredje ledd fjerde punktum.

Etter jordskiftelova § 64 første ledd må slutting eller iverksetjing av jordskifte utsetjast om det er anka til lagmannsretten eller jordskifteoverretten over visse tilhøve, eller kravd overskjønn. Det er gjort unntak frå dette ved anke etter § 61 tredje ledd i samband med ei rekkje tilhøve der anke

etter gjeldande jordskiftelov går til lagmannsretten. Dette gjeld anke etter gjeldande jordskiftelov § 61 tredje ledd over avgjerd om avvising av andre enn materielle grunnar. Det gjeld òg avgjerd i samband med retting av dom og avgjerd om godtgjersle til vitne og sakkunnige med meir som etter særleg lovregel kan ankast til høgare domstol. Unntak gjeld òg for avgjerd om gebyr og sideutgifter etter gjeldande jordskiftelov § 74, om spørsmål om oppfrisking mot fristforsøming og avgjerd om gjenopning etter gjeldande jordskiftelov § 73 første ledd. Det gjeld òg unntak for avgjerd i ekspropriasjonsskjønn etter gjeldande jordskiftelov § 6 som er nemnde i gjeldande jordskiftelov § 48 første ledd i skjønnsprosesslova og andre avgjerder om saksbehandlinga eller rettsbruken som jordskifteretten i særlege høve fastset.

Arbeidsgruppa foreslår at slik utsetjing av jordskiftet skal gjelde dom, semjedom og når jordskifteretten gjer vedtak om at rettsmiddel skal kunne brukast før heile saka er avgjort. Departementet er samd i dette, og foreslår ei forenkling av reglane som gjer denne regelen generell. Jordskiftesaka skal da utsetjast òg når det etter lovforslaget § 8-2 andre eller tredje ledd er anka over orskurd eller vedtak. Sjå lovforslaget § 8-2 fjerde ledd.

## 14.6 Ankefrist, ankefråsegn, fråfall av anke

### 14.6.1 Høyringsforslaget

Høyringsnotatet byggjer på at det er viktig for brukarane at føresegnar som gjeld frist for anke, er like. Notatet tek elles sikte på å lage ei informativ lov, slik at dersom ein for eksempel ønskjer å finne fram til reglane om ankefrist eller ankefråsegn, så skal reglane i størst mogleg grad kunne lesast ut av lova direkte.

I høyringsforslaget § 8-5 er det sett fram forslag om at fristen for bruk av rettsmiddel etter jordskiftelova skal vere på ein månad, og følgje tvistelova § 29-5.

Forslaget byggjer på at krava til ankefråsegna skal følgje tvistelova § 29-9 dersom det er anka over dom, semjedom, orskurd eller vedtak. Er det kravd overskjønn, skal lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker § 33 gjelde, jf. høyringsforslaget § 8-6 første og andre ledd.

Arbeidsgruppa foreslår òg at ved anke over jordskifteavgjerd skal ankefråsegna ta utgangspunkt i tvistelova. I slike høve er det i høyringsnotatet lagt vekt på at føresegna bør sikre dei sær-

lege omstenda som gjer seg gjeldande ved jordskifteavgjerder. Forslaget går fram av høyringsforslaget § 8-6 tredje ledd. Dei formuleringane som arbeidsgruppa foreslår skal dekkje føresegna i gjeldande jordskiftelov § 67 første ledd som inneber at ankepostane skal gå fram av ankefråsegna i saker der anke går til jordskifteoverretten.

I høyringsforslaget § 8-4 fjerde ledd er det sett fram forslag om ein regel som gjeld gjennomsyn. Forslaget er at ankefråsegna skal sendast til den jordskifteretten som har teke avgjerda slik regelen òg er i dag, jf. høyringsforslaget § 8-6 femte ledd.

Når det gjeld fråfall av anke, er forslaget i høyringsnotatet at den nye jordskiftelova bør byggje på tvistelova, jf. høyringsforslaget § 8-7 første ledd. Gjeld anken ei jordskifteavgjerd, finst det i gjeldande jordskiftelov ein særregel i § 68. Tvistelova § 29-19 har ein tilsvarende regel som vil gjelde etter høyringsforslaget. Arbeidsgruppa meiner at det likevel ville vere behov for ei føresegn om konsekvensen som fråfall av anke vil ha for iverksetjing og fristar fastsette i jordskifteavgjerda.

### 14.6.2 Høyringsinstansane

*Ingen av dei høyringsinstansane som uttaler seg, har hatt merknader til at ankefristen skal vere ein månad.* Høyringsinstansane har ikkje prinsipielle merknader til forslaget frå arbeidsgruppa, men dei peikar på fleire lovtekniske spørsmål som det er viktig å ta stilling til.

*Justisdepartementet* meiner mellom anna at særreglane i jordskiftelova må rette seg mot jordskifteavgjerd, slik at for eksempel regelen om ankefrist og ankefråsegn skal rette seg mot jordskifteavgjerder, ikkje mot dei andre avgjerdsformene som er regulerte i andre lover. Til høyringsforslaget § 8-6 uttaler Justisdepartementet:

«Utkastet § 8-6 tredje ledd annet punktum gjenantar flere av bokstavene i tvisteloven § 29-9 tredje ledd i tillegg til å kreve at ankeerklæringen skal opplyse hvilke eiendommer avgjørelsen gjelder. Samtidig følger det av tredje ledd første punktum at tvisteloven § 29-9 skal gjelde så langt den passer. Det er uklart for oss hvordan man med dette sikrer at «dei særlege omstenda som gjer seg gjeldande ved jordskifteavgjerder, blir fanga opp» (høyringsnotatet side 122). Dersom hensikten er å stille færre krav til innholdet i en anke over jordskifteavgjørelser, bør det ikke samtidig henvises til tvisteloven § 29-9 annet ledd. ...»

*Domstoladministrasjonen* (DA) meiner at det ikkje er nødvendig å vise til reglane i tvistelova for ankefråsegn over dom med vidare eller skjønnsprosesslov for overskjønn, så lenge desse reglane er gjort gjeldande frå før andre stader i lovteksten. Ved å ta bort tilvisingane om dette vil reglane om jordskifteavgjerd bli klarare.

*Jordskifteoverrettane* har nokså samanfallande merknader med det DA peikar på.

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme og fleire andre* peikar på at det ikkje er nødvendig å gi ein eigen regel om ankefråsegn i jordskiftelova for dei avgjerdsformene som etter forslaget skal følgje tvistelova eller skjønnsprosesslova. Dei meiner òg at overskrifta i forslaget til høyringsforslaget § 8-6 må endrast fordi regelen òg omfattar gjennomsyn.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* meiner òg at det berre er nødvendig å gi særlege reglar for ankefråsegn som gjeld jordskifteavgjerder. I tillegg uttaler dei seg til høyringsforslaget til ny § 8-6 om ankefråsegn:

«Vi foreslår å ta bort bokstav c. Begrunnelsen er at det kan være vanskelig å fastslå på dette stadium i saken hvilke eiendommer det gjelder. Hele jordskiftet er under behandling når saken er anket. De som ikke anker er å betrakte som motparter.

Fjerde ledd bør også tas bort, da den virker unødvendig.

Vi foreslår videre å snu på rekkefølgen, slik at hovedregelen kommer først. Videre er det nødvendig å presisere at det bare er første, andre og fjerde ledd i tvisteloven § 29-9 som gjelder så langt det passer.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* har òg lovtekniske merknader. Dei peikar på at når det blir fastsett at ankefristen er ein måned, samtidig som det er vist til tvistelova § 29-5, kan dette føre til mistydingar. Den same merknaden har dei til reglane om ankefråsegna i høyringsforslaget § 8-6. Det kan bli uklart kva som gjeld når det er gitt særreglar samtidig som det blir vist til at reglane i tvistelova om ankefråsegn skal gjelde. Dei foreslår òg ei korrigering i høyringsforslaget § 8-7, der dei foreslår gjennomsyn sløyfa i første ledd.

### 14.6.3 Departementets vurderingar

#### 14.6.3.1 Generelt

Løysingar knytt til ankefrist, ankefråsegn og fråfall av anke er i stor grad eit spørsmål om kor

informativ lova bør vere. Departementet peikar på at det er vanskeleg å finne ein god balanse mellom kva som bør gå fram av jordskiftelova, og kvar det er like tenleg å vise til reglane i tvistelova. Departementet vil føye til at omsynet til sjølvprosederande partar nok har noko mindre vekt ved anke enn i saker for jordskifteretten. Når temaet er ankefrist og ankefråsegn, er det likevel grunn til å leggje stor vekt på slike informasjonsomsyn.

#### 14.6.3.2 Ankefrist

Slik jordskifterettane i Agder jordskiftedømme uttaler, vil det vere tilstrekkeleg og meir presist om føresegna om ankefrist berre viser til reglane i tvistelova § 29-5. Der går det fram av første ledd at ankefristen er ein måned med mindre anna er fastsett ved lov. Departementet meiner likevel at det gir betre informasjon om ankefristen går direkte fram av jordskiftelova.

Tvistelova § 29-5 inneheld fleire unntak frå regelen om at ankefristen er ein måned. Unntaka må gjelde òg i saker etter jordskiftelova. Departementet meiner at den beste løysinga er at jordskiftelova opplyser om hovudregelen om at ankefristen «til vanleg» er på ein måned, og samtidig viser til tvistelova § 29-5 for meir detaljerte reglar. Ved denne formuleringa vil ein oppnå ein presis regel. Samtidig vil dei som les jordskiftelova få informasjon om det som er den mest vanlege fristen. Forslaget går fram av lovforslaget § 8-3.

Nokre avgrensingar i ankefristen kan tenkjast som følgje av regelen i tvistelova § 29-2 andre til fjerde ledd som mellom anna seier at avgjerder om saksbehandlinga ikkje kan ankast etter at saka er avgjort. Dette er avgrensingar som etter departementets syn vil gjelde som følgjer av lovforslaget § 8-1 andre ledd. Departementet meiner at omsynet til informasjon til partane ikkje gjer seg gjeldande med slik tyngde at det er nødvendig å nemne desse avgrensingane særskilt i jordskiftelova. Departementet legg til grunn at jordskifteretten vil gi partane orientering om dette i samband med avgjerda. Dette er særleg viktig i høve til sjølvprosederande partar.

Lovforslaget § 8-3 svarar til gjeldande jordskiftelov § 63 med følgjande unntak. Det er § 63 første ledd som fastset at ankefristen som hovudregel skal reknast frå forkynninga av jordskiftet. Er det høve til å anke straks, skal fristen likevel reknast frå det tidspunktet vedkomande part har fått avgjerda forkynt. Denne regelen gjeld framleis på grunn av tilvisinga til tvistelova, men går ikkje eksplisitt fram av ordlyden i kapitlet om anke. Det følgjer likevel av lovforslaget § 6-25 som gjeld sei-

ing av avgjerd og forkynning. Det går òg fram i gjeldande jordskiftelov § 63 første ledd at fristen for rettsfastsetjande vedtak, som er behandla etter gjeldande jordskiftelov § 17 a femte ledd, skal reknast frå vedkomande rettsmøte. Denne regelen er ikkje ført vidare i lovforslaget.

#### 14.6.3.3 Ankefråsegna

Justisdepartementet uttaler at særreglane i jordskiftelova må rette seg mot jordskifteavgjerd. I høyringsforslaget § 8-6 som gjeld ankefråsegna i dei to første ledd er det lagt til grunn at ankefråsegna skal følgje tvistelova § 29-9 for dom, og skjønnsprosesslova § 33 for skjønn. Departementet er samd i at det ikkje er nødvendig med eigne reglar om dette. Det følgjer alt av andre reglar for slike avgjerder gjeld desse lovene, sjå mellom anna lovforslaget § 8-1 andre og femte ledd.

Dette er likevel eit spørsmål om kor informativ lova skal vere. Departementet meiner at det er ein fordel for partane med ein lovtekst som viser kva ankefråsegna skal innehalde. Departementet vil derfor halde fast ved at anke over dom, orskurd og vedtak bør nemnast særskilt med vising til tvistelova § 29-9. Forslaget går fram av lovforslaget § 8-5 første ledd. Ein tilsvarende regel gjeld òg i dag, sjå jordskiftelova § 63 tredje ledd som fastset at ved anke til lagmannsrett, gjeld tvistelova så langt reglane høver. Dom, rettsfastsetjande vedtak, orskurd og dei fleste vedtaka (beslutningar) skal etter § 61 andre og tredje ledd behandlast av lagmannsretten.

Departementet foreslår inga tilsvarende løysing i saker som gjeld reine skjønn halde av jordskifteretten. Ei særleg tilvising om innhaldet i kravet om overskjønn kan lett bli forvirrande i høve til skjønn eller andre avgjerder halde samtidig eller i samband med jordskifte. Der er regelen at anke skal følgje reglane for jordskifteavgjerd. Der som for eksempel eit reint skjønn ankast, følgjer prosessen etter lovforslaget § 8-1 femte ledd reglane i skjønnsprosesslova fullt ut. Reglane om anke vil dermed følgje skjønnsprosesslova, som for rettslege skjønn blir likt med reglane i sjettedel av tvistelova. Det er derfor ikkje nødvendig å gi reglar eller ytterlegare informasjon om korleis ein skal krevje overskjønn i jordskiftelova.

Departementet meiner samstundes at det ikkje er nødvendig at regelen i jordskiftelova uttrykkeleg fastset innhaldet i ei ankefråsegn som gjeld anke over dom, orskurd eller vedtak. Årsaka er at alle reglar om anke ved desse avgjerdsformene følgjer reglane i tvistelova. Det er såleis til-

strekkeleg å vise til reglane i tvistelova. Forslaget går fram av lovforslaget § 8-5 første ledd.

Der det er anka over jordskifteavgjerd er det eit behov for særlege reglar om innhaldet i anken. Departementet meiner at det er gode grunnar for å ha andre krav til innhald i ei anke som gjeld jordskifteavgjerd, enn ved anke over tvist. Arbeidsgruppa legg i høyringsnotatet til grunn at reglane i tvistelova skal gjelde så langt dei passar òg for jordskiftesak. Departementet har valt ei anna løysing. For å unngå å få dobbelt regelsett og fare for uklare reglar, slik jordskifterettane i Agder jordskiftedømme peikar på, foreslår departementet at reglane om innhaldet i ei ankefråsegn som gjeld jordskifteavgjerd ikkje skal supplerast med reglane i tvistelova. Departementet meiner at det i slike høve er betre om lova gir direkte uttrykk for kva fråsegna skal innehalde, enn ei uklar tilvising til tvistelova. Løysinga går fram av lovforslaget § 8-5 andre ledd.

Anken skal som etter gjeldande jordskiftelov § 63 andre ledd første punktum, givast inn til den jordskifteretten som har teke den avgjerda anken gjeld.

I lovforslaget er det fastsett at ankedomstolen skal nemnast. Det går òg fram at saksnummeret på saka og kva for avgjerd anken gjeld skal nemnast. Ut over dette skal det i anken opplysast om anken gjeld heile avgjerda eller bestemte deler av henne. Det skal òg opplysast om ankegrunnane som skal opplyse kvifor det er anka og kva ein vil oppnå med anken. Reglane er utforma med det for auge at anken vil gå til lagmannsretten, og at førstelagmannen kan fastsetje at samansetjinga av retten kan variere alt etter kva det er anka over. Det er da behov for noko meir detaljerte opplysningar i anken enn regelen i gjeldande jordskiftelov § 67 første ledd. Denne føresegna seier at ankepostane bør gå fram av anken og at jordskifteretten skal sørge for å få klarlagt kva anken gjeld før han blir gjort kjend for dei andre partane.

Arbeidsgruppa foreslår at ankefråsegna skal vise kven som er partar i ankesaka. Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme foreslår å ta bort dette kravet. Departementet er samd med jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme i dette. Det kan vere vanskeleg å sjå kven som kan omfattast av ein anke som gjeld ei jordskifteavgjerd. Etter gjeldande rett vil reglane om utvida gransking i gjeldande jordskiftelov § 67 andre ledd føre til at ei anke som frå starten berre omfattar to partar kan utvikle seg til å omfatte alle partane i jordskiftesaka. Sjølv om ein ikkje fører direkte vidare reglane om «utvida gransking», sjå kapittel 14.9.3, blir systemet framleis slik at ein



må ta høgde for at alle partane i ei jordskifteavgjerd kan gjerast til part i ankesaka. Departementet meiner at det i mange høve ikkje vil vere mogleg å peike ut kven som skal vere motpartar ved anke over jordskifteavgjerd. Det bør såleis ikkje stillast krav om dette i lova. I lovforslaget § 8-5 tredje ledd foreslår departementet derfor som hovudregel og utgangspunkt at alle er partar i ankesaka.

Det vil gå fram av jordskifteavgjerda kven som er partar. Det er derfor ikkje nødvendig at ankande part skal opplyse om ankemotpartane i ankefråsegna. For å gjere det klart for partane i saka kven som blir partar i ankesaka, foreslår departementet etter dette ein ny regel om at alle som var partar i jordskiftesaka skal reknast som partar i ei ankesak som gjeld jordskifte. Dette kan likevel ikkje gjelde utan unntak. Departementet foreslår derfor ein opning for at ankande part etter særleg grunngeving berre kan anke mot nokre av partane i saka. I så fall må den ankande parten ta med opplysningar om kva for særlege grunnar som gjer seg gjeldande i ankeerklæringa. Forslaget går fram av lovforslaget § 8-5 tredje ledd.

#### 14.6.3.4 Avkall på rett til å anke

Etter gjeldande jordskiftelov § 97 første ledd bokstav a gjeld tvistelova § 29-6 om retten til å seie frå seg retten til å anke òg avgjerd som er gjort av jordskifteretten. Ein følgje av lovforslaget § 8-1 andre ledd er at regelen vil gjelde ved avgjerdsformene dom, orskurd og vedtak. Departementet meiner at det som i gjeldande jordskiftelov bør vere mogleg å gi avkall på ankerett òg ved jordskifteavgjerd. Dette gjer det nødvendig med ein regel om avkall på anke i ny jordskiftelov. Departementet foreslår ein slik regel i lovforslaget § 8-4. Av pedagogiske grunnar er regelen derfor utforma slik at ho gjeld alle avgjerder. Løysinga vil da vere lik for alle avgjerder jordskifteretten gjer.

#### 14.6.3.5 Tilbakekall av anke

I nokre tilfelle vil ein part som har anka ei avgjerd finne ut at han eller ho ønskjer å trekkje anken tilbake. Er partane samde om at saka skal trekkjast, er det rimeleg å leggje til rette for at ressursbruket som ligg i ei full ankebehandling blir spart. I andre tilfelle kan det òg vere grunnlag for at ein part kan tilbakekalle ein anke, for eksempel der ankesaka ikkje er komen i gang fullt ut. Både gjeldande jordskiftelov og tvistelova har reglar som gjer fråfall av anke mogleg i slike høve, sjå gjel-

dande jordskiftelov § 68 som gjeld jordskifteavgjerd og tvistelova § 29-19. Dei to føresegnene er ulike med omsyn til kva tidspunkt fråfall kan skje. Etter jordskiftelova kan anke kallast tilbake utan semje fram til ein ankepost er avgjort. Er ankeposten avgjort, kan anken berre tilbakekallast om alle som saka gjeld er samde i det. Etter tvistelova kan anken kallast tilbake fram til ankeforhandlinga er begynt. Har forhandlinga begynt, kan anken berre kallast tilbake fram til saka er avgjort, og berre om partane er samde om det. Eit tilbakekall får konsekvensar for kva som er rettskraftig avgjort. Det får òg konsekvensar for fordelinga av kostnadane i ankesaka. Ut over dette kan tilbakekall av anke i jordskiftesak få verknad for iverksetjing og fristar som er fastsett i samband med jordskifteløysinga. Gjeldande jordskiftelov § 68 andre ledd har ein eigen regel om dette.

I høyringsnotatet er det lagt opp til at mogleheita til å gi avkall på anke bør følgje tvistelova i alle saker for jordskifteretten. Departementet har registrert at høyringsinstansane ikkje har kome med motsegner til denne løysinga. Departementet foreslår derfor ei slik endring. Forslaget er ei forenkling som gjer at regelen om tilbakekall blir lik i alle saker som er anka frå jordskifteretten. Tidsrommet for når det er mogleg å kalle anke over jordskifteavgjerd tilbake blir noko kortare enn etter gjeldande jordskiftelov. Departementet finn dette rimeleg. Har ein part fremja anke, bør parten finne seg i at denne anken skal behandlast ferdig dersom anken er teken til behandling i eit rettsmøte for lagmannsretten. Forslaget fører elles til at det ikkje lenger vil vere ein regel om tilbakekall av anke etter at anken er avgjort sjølv om partane er samde om det. Departementet kan ikkje sjå at det er behov for ein slik regel.

Slik lovforslaget § 8-1 andre og tredje ledd er utforma, er det behov for ein eigen regel om tilbakekall av anke som gjeld jordskifteavgjerd i ny jordskiftelov. Når regelen, slik departementet har lagt til grunn over, blir lik i alle avgjerder som er anka frå jordskifterett, meiner departementet det er pedagogisk å utforme regelen i jordskiftelova på ein generell måte. Departementets forslag går fram av lovforslaget § 8-9 første ledd. Det er ulikt forslaget i høyringsforslaget § 8-7 på dette punktet.

Gjeldande jordskiftelov § 68 andre ledd som gjeld fristar og iverksetjing foreslår departementet ført vidare med noko nær same ordlyd som i høyringsforslaget § 8-7. Departementet er samd i at det trengst ein regel som gjer at lagmannsretten kan forlenge fristar om iverksetjing i slike høve. Etter departementets syn kan likevel rege-

len utformast noko enklare enn i gjeldande jordskiftelov. Det er tilstrekkeleg med ein regel om at om anken kallast tilbake, skal lagmannsretten endre fristar om iverksetjing etter lovforslaget § 3-36 om det trengst. Lagmannsretten vil etter lovforslaget § 8-10 prøve alle sider av jordskifteavgjerda. Dette inneber at lagmannsretten óg kan endre avgjerder om iverksetjing. Forslaget som gjeld frist, går fram av lovforslaget § 8-9 andre ledd.

## 14.7 Saksførebuing i jordskifteretten

### 14.7.1 Høyringsforslaget

I høyringsnotatet § 8-3 er det lagt til grunn at føresegnene i tvistelova skal gjelde ved behandlinga av anke over dom, semjedom, orskurd, eller vedtak. Forslaget fører blant anna til at jordskifteretten, som etter gjeldande jordskiftelov § 63 tredje ledd, får som oppgåve å førebu behandlinga av anken etter tvistelova § 29-10. Oppgåva inneber at jordskifteretten skal forkynne avgjerda, ta imot anken og sende han vidare til ankeinstansen.

I høyringsnotatet § 8-6 femte ledd andre punktum er det lagt til grunn at kravet om overprøving av avgjerda frå jordskifteretten skal sendast til den jordskifteretten som har teke avgjerda, og at kravet snarast råd skal forkynnast for dei partane avgjerda gjeld.

### 14.7.2 Høyringsinstansane

Forslaga er ikkje kommentert av høyringsinstansane.

### 14.7.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at reglane om saksførebuinga i jordskifteretten bør samlast i ein paragraf. Løysingane som er lagde til grunn i gjeldande jordskiftelov §§ 63 andre og tredje ledd og 67 første ledd andre og tredje punktum er godt etablerte, og bør i hovudtrekk førast vidare i ny lov. Dei svarar óg i store trekk til den løysinga som er vald i tvistelova. Departementet meiner såleis at jordskifteretten, som i dag, bør ha ei rolle ved å gjere det som trengst for å førebu anke og deretter sende han vidare til lagmannsretten. Løysinga bør gjelde alle saker som er behandla i jordskifteretten. Sjå lovforslaget § 8-6 første ledd som viser til tvistelova § 29-10.

Ved anke over jordskifteavgjerd bør jordskifteretten, om retten ser at det er manglar ved anken gi den ankande parten høve til å rette feila slik dette er fastsett i tvistelova §§ 16-5 og 16-6. Jord-

skifteretten bør óg ha ansvaret for å forkynne for dei partane saka gjeld at det er anka over ei jordskifteavgjerd. Løysinga går fram av lovforslaget § 8-6 tredje ledd. Regelen er formulert litt annleis enn gjeldande jordskiftelov § 67 første ledd andre og tredje punktum, men dekkjer det same innhaldet.

Departementet foreslår ut over dette ein ny regel som gjer det tydeleg at avgjerd om avvising eller oppfrisking skal treffast av lagmannsretten etter tvistelova § 29-10, ikkje av jordskifteretten. Forslaget går fram av lovforslaget § 8-6 andre ledd.

Departementet foreslår dessutan som ei forenkling og ut frå informasjonsomsyn ein regel i tredje ledd slik at anke over jordskifteavgjerd snarast råd skal forkynnast for dei partane det gjeld, med frist til å uttale seg til anken. Regelen gjeld uavhengig av avgjerdsform, og byggjer dels på gjeldande jordskiftelov § 97 a som gjer tvistelova § 29-10 gjeldande. For jordskifteavgjerdene byggjer regelen på gjeldande jordskiftelov § 63 andre ledd andre punktum.

## 14.8 Ankesum og silingsmekanismer

### 14.8.1 Høyringsforslaget

I høyringsnotatet er det framheva at føresegnene om anke bør leggje til rette for at saker av liten betydning kan silast bort (proporsjonalitet). Det er likevel strekt under at siling ikkje er noko mål i seg sjølv. Den økonomiske verdien av ankegjensstanden kan i nokre tilfelle vere eit kriterium for avgrensinga mot saker av bagatellmessig karakter. I andre tilfelle er verdien ingen god illustrasjon på kva ei avgjerd i saka betyr.

I høyringsnotatet er det óg peika på at reglane ikkje bør vere ulike alt etter om saka er reist for ein tingrett eller ein jordskifterett. Gjeld saka eit spørsmål som kan avgjerast av tingretten, bør føresegnene i tvistelova gjelde.

Forslaget i høyringsforslaget § 8-3 første ledd er at avgjerd etter høyringsforslaget § 6-19 andre og tredje ledd skal følgje tvistelova som i dag. Dette inneber mellom anna at verdigrensa i tvistelova § 29-13 på kr 125 000 skal vurderast av lagmannsretten ved anke over dom frå jordskifteretten.

Forslaget er utforma slik at føresegnene om verdien av tvistegjenstanden ikkje skal gjelde for jordskifteavgjerdene (høyringsforslaget § 6-19 fjerde ledd). Det er vist til at omsynet til dei samfunnsinteressene jordskiftet tek sikte på å løyse, i slike tilfelle talar for at partane bør ha rett til å

anke slik at avgjerdene kan vurderast på nytt. Dette må gjelde sjølv om verdien for den enkelte parten ikkje er over verdigrensa i tvistelova. Partane vil dermed kunne anke, for eksempel i saker som gjeld landbruksareal, der verdien av arealet ofte er låg, men der endringa som følgje av jordskiftet kan ha mykje å seie for drifta av eigedommen, jf. høyringsforslaget § 8-8.

#### 14.8.2 Høyringsinstansane

*Justisdepartementet* uttaler:

«Lovutkastet § 8-8 synes å være overflødig slik det nå er formulert. Når det gjelder anke over jordskifteavgjerd og krav om gjennomsyn, følger det av lovutkastet § 8-3 annet ledd jf. § 6-1 tredje ledd bokstav j at tvistelova § 29-13 ikke gjelder. Utkastet § 6-19 femte ledd bokstav a og b gjelder kjennelser, som ikke omfattes av tvistelova § 29-13.

Vi mener Landbruks- og matdepartementet bør vurdere å gi en hjemmel for en viss adgang til også å nekte anke over jordskifteavgjørelser fremmet. En anke bør i hvert fall kunne nektes fremmet dersom det er klart at anken ikke vil føre frem, jf. prinsippet i tvistelova § 29-13 annet ledd. Etter vårt syn bør det også vurderes å videreføre regelen i jordskifteloven § 67 annet ledd annet punktum annet alternativ.

Vi foreslår også at Landbruks- og matdepartementet vurderer om det er mulig å innføre en silingsordning basert på tvistegjenstandens verdi for avgjørelser om verdsetting etter § 6-19 fjerde ledd bokstav a.»

*Domstoladministrasjonen* uttaler:

«Utkastet forstås slik at det ikke er meningen å innføre noen form for siling av ankesaker over jordskifteavgjørelser ut fra ankegjensstandens verdi. Overskriften kan derfor virke misvisende. DA mener det bør formuleres en skredersydd silingsbestemmelse for anke over jordskifteavgjørelser. Det kan for eksempel tas utgangspunkt i jordskifteloven § 67 andre ledd, som inneholder elementer av tvisteloven § 29-13 første og andre ledd. Det bør føyes til et krav om at grunnen til å nekte anken fremmet er at det er åpenbart at anken ikke kan gis medhold eller lignende.»

*Agder lagmannsrett* viser først til at det ikkje er nødvendig å gjere unntak for orskurd om avvising

eller heving av saka frå verdigrensa, slik arbeidsgruppa foreslår. Verdigrensa gjeld berre ved anke over dom, ikkje ved andre anker. Om verdigrense ved jordskifteavgjerd uttaler førstelagmannen:

«Lovteknisk går jeg ut fra at behovet for en unntaksregel i utkastet er en følge av at det ellers ville følge av henvisningen fra § 8-3 annet ledd annet punktum til skjønnsprosessloven at ankesumbegrensningen i skjønnsprosessloven § 32 tredje ledd ville gjelde. Behovet for unntaket faller bort dersom man unngår å basere saksbehandlingsreglene for «overjordskifte» på skjønnsprosessloven, men i stedet viser til behandlingsreglene for jordskiftesaker i første instans.

Et mer substansielt spørsmål er likevel om det bør gjelde en ankesumbegrensning eller annen begrensning ved anke over jordskifteavgjerd. Slike saker behandles i dag av jordskifteoverretten, og jeg har ikke tilstrekkelig erfaring med sakstypen til å kunne vurdere begrunnelsen arbeidsutvalget har gitt i utredningen på side 123 inngående. Jeg reiser imidlertid spørsmål ved om ikke de motargumenter arbeidsgruppen her har trukket frem mot en ankesumbegrensning ville kunne ivaretas ved praktiseringen av en samtykkeregulering der det i samsvar med tvisteloven § 29-13 første ledd beror på en bred avveining hvorvidt samtykke skal gis. Om man likevel blir stående ved at en bestemt verdigrense ikke er et egnet kriterium i denne sakstypen, bør man imidlertid overveie en annen form for begrensning basert på en forholdsmessighetsvurdering. Det er uheldig om partene skal ha en ubetinget adgang til å fremme saker hvor kostnadene ved behandlingen står i klart misforhold med hva man vil kunne oppnå. Jeg viser til regelen i dagens jordskiftelov § 67 annet ledd, som synes å ivareta dette hensynet.

En mulig løsning kan være å gi en bestemmelse om at lagmannsretten kan nekte anken fremmet dersom det er klart at overjordskiftet ikke vil kunne lede til en endring som står i rimelig forhold til kostnadene ved saksbehandlingen. Eventuelt kunne man kvalifisere nektingsgrunnlaget ytterligere ved et kriterium som «åpenbart uforholdsmessig», «monaleg mishøve» eller lignende. Avgjørelsen bør treffes ved beslutning etter at partene har fått anledning til å uttale seg.»

*Jordskifteoverrettene* uttaler:

«I noverande jskl. § 67 andre ledd har vi ein regel som seier at jordskiftet skal stadfestes dersom ei endring «berre kan føre til endring det etter måten ikkje kan leggjast nemnande vekt på». Dette er ein regel som gjelder først etter at full ankebehandling er satt i gang. I ein omskriven § 8-8 bør det vere ein spesialregel for jordskifteavgjerd som gir retten anledning til å nekte ankebehandling, kanskje med utgangspunkt i formuleringa i noverande § 67 eller tvl. § 29-13 andre ledd.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* peikar på at det er dårleg samsvar mellom overskrift og innhald i paragrafen, slik den er foreslått av arbeidsgruppa. Det må òg kome tydeleg fram at det er behandlinga av anken som ikkje er avhengig av tvistegjenstandens verdi.

### 14.8.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at det av informasjonsom-syn bør gå fram av ordlyden i jordskiftelova kva lagmannsretten kan gjere under saksførebuinga der det er anka. Sjølv om det ikkje går fram av høyringsforslaget, foreslår departementet derfor ein regel som viser at anken kan avvisast, hevast eller opphevast under saksførebuinga slik dette går fram av reglane i tvistelova § 29-12. Forslaget går fram av lovforslaget § 8-8 første ledd. Regelen er ny i høve til jordskifteavgjerd. Departementet meiner det er ei forenkling at hovudregelen er lik uavhengig av kva for avgjerdsform det dreier seg om. Departementet kan ikkje sjå at det er andre grunnar som taler for ulike reglar på dette punktet.

Det følgjer av lovforslaget § 8-1 andre ledd at reglane i tvistelova gjeld fullt ut ved anke over dom. For å få det tydeleg fram at mellom anna silingsregelen i tvistelova gjeld i slike saker, meiner departementet at det òg bør vere ein tilvingsregel til tvistelova § 29-13. Forslaget går fram av lovforslaget § 8-8 andre ledd.

Departementet foreslår i kapittel 14.3.3.2 at reglane for behandling av anke over jordskifteavgjerd skal følgje reglane i jordskiftelova så langt dei høver. Forslaget i høyringsnotatet er at reglane i skjønnsprosesslova skal gjelde. Slik førstelagmannen i Agder peikar på, fører endringa til at silingsreglane i tvistelova § 29-13 ikkje vil gjelde jordskifteavgjerder, fordi desse reglane berre gjeld ved avgjerdsforma «dom». Heller ikkje silingsreglane i skjønnsprosesslova § 32 tredje ledd vil gjelde ved jordskifteavgjerd. Dette gjer det aktuelt å vurdere om det bør innførast reglar

som gjer at lagmannsretten i visse tilfelle kan nekte å ta ein anke over jordskifteavgjerd til behandling.

Departementet meiner at jordskifteavgjerdene må kunne ankast utan at ei bestemt verdigrense blir eit vilkår for å få anken fremja. Jordskifteavgjerdene gjeld omforming og endring av eigedommar, bruksordningsreglar for framtidig bruk med vidare. Sjølv om verdigrensa etter tvistelova kan praktiserast meir eller mindre strengt, ser ein dette likevel slik at ved ei jordskifteavgjerd er det vanskeleg å ha noko oppfatning av verdien av det som er «omtvista». Verdiforskjellen på ei løysing kontra ei anna løysing som ankande part heller vil føretrekke, kan vere vanskeleg å talfeste. Verdiforskjellen mellom eit jordskifteplanforslag og eit anna er derfor eit dårleg kriterium for å skilje ut dei ankane som skal behandlast i lagmannsretten. Eit slikt kriterium ville òg truleg kunne utløyse mange prosessar. Det er ein føresetnad for verke-midla i jordskiftelova at ingen part blir påført større kostnader og ulempe enn nytte. Sjølv eit mindre brot på denne føresetnaden har etter gjeldande rett vore prøvd ved overjordskifte. Slik meiner departementet at det framleis bør vere.

Om det viser seg at anken er grunnlaus eller berre kan føre til endringar det etter måten ikkje kan leggjast nemnande vekt på, skal jordskifteoverretten etter gjeldande jordskiftelov § 67 andre ledd stadfeste jordskiftet. Regelen praktiserast som ein saksbehandlingsregel som fastlegg eit utfall av ankebehandlinga. Som silingsregel har han i praksis lite å seie, fordi saka er fullt opplyst når jordskifteoverretten treff avgjerda om stadfesting.

Mange høyringsinstansar peikar på at det er behov for ein meir skjønnsprega silingsregel, slik at lagmannsretten kan avvise ein anke når kostnadene med å behandle henne ikkje står i rimeleg høve til kva partane kan oppnå ved å få anken behandla. Departementet er samd i at ein bør ha ein silingsregel som gjeld jordskifteavgjerd. Proporsjonalitetsprinsippet bør gjelde òg ved anke over jordskifteavgjerd. Formålet med regelen vil vere å hindre anke når den moglege vinninga for den ankande parten ikkje står i rimeleg høve til kostnadene med behandlinga av anken. For å gi lagmannsretten ein god reiskap, må ei slik «siling» skje tidleg. Jordskiftelagdommaren må få fullmakt til å treffe ei slik avgjerd som saksførebuinga dommar.

Departementet har vurdert ein regel for eksempel om at anken ikkje kan fremjast dersom det er klart at han ikkje vil kunne føre til ei endring som står i rimeleg høve til kostnadene med

saksbehandlinga. Som departementet har peika på ovanfor i samband med omtalen av reglane i tvistelova, kan det vere vanskeleg å definere kva for kostnader ein skal leggje til grunn. Ein regel der kostnadene er sentrale vil kunne bli ei ny grense for ankesum på eit anna nivå enn det ein finn i tvistelova § 29-12 første ledd. Departementet meiner derfor at dette ikkje er ei tenleg løysing.

Departementet foreslår i staden ein ny regel for jordskifteavgjerd etter mønster av tvistelova § 29-12 andre ledd, der vilkåret for siling blir at «anken ikkje vil føre fram». Forslaget går fram av lovforslaget § 8-8 tredje ledd første punktum. Ein må leggje til grunn at dette er ein regel som i praksis sjeldan blir aktuell. Den representerer likevel ein moglegheit for retten til å nekte å behandle anken.

Skal lovforslaget § 8-8 fungere som silingsregel, må avgjerda kunne treffast av jordskiftelagdommaren som saksførebuande dommar, etter at partane har fått høve til å uttale seg. Prosedyrene for dette må gå fram av lova. Dei er tekne inn i lovforslaget § 8-8 fjerde ledd.

## 14.9 Plikt for ankeinstansen til å prøve avgjerd frå jordskifteretten

### 14.9.1 Høyringsforslaget

Anke til lagmannsrett over ein dom og rettsfastsetjande vedtak (semjedom) i jordskifteretten følgjer i dag føresegnene i tvistelova. Arbeidsgruppa foreslår ikkje endringar i denne løysinga. Det visast til at det ikkje bør vere ulike reglar for prøving i ankeinstansen av elles like saker, alt etter om førsteinstansen er tingrett eller jordskifterett. Forslaget til regel går fram av høyringsforslaget § 8-3 første ledd og høyringsforslaget § 8-9.

Arbeidsgruppa peikar på at det er uheldig med ulike reglar om prøvinga i ankeinstansen alt etter om det er tvist mellom partane eller ikkje. Arbeidsgruppa foreslår derfor ikkje særlege føresegner om anke over semjedom (rettsfastsetjande vedtak).

Arbeidsgruppa foreslår likevel eigne reglar for jordskifteavgjerdene. Forslaget byggjer på gjeldande reglar om prøvinga. Det går fram av høyringsforslaget § 8-9.

Ved avgjerd i saker som gjeld skjønn, foreslår arbeidsgruppa at prøvinga bør vere den same anten saka er reist for jordskifteretten eller for tingretten. I slike tilfelle følgjer det av skjønnsprosesslova § 37 at underskjønnet fell bort i den mon det avseiast overskjønn. Forslaget går fram av høyringsforslaget § 8-3.

Saksbehandlingsregelen i gjeldande jordskiftelov § 67 andre ledd, om melding om endringar i jordskiftet, og om frist for å krevje jordskiftet utvida, foreslår arbeidsgruppa ført vidare i høyringsforslaget § 8-9 andre ledd.

Arbeidsgruppa foreslår òg i høyringsforslaget § 8-13 å gi lagmannsretten heimel for å fastsetje nye fristar for iverksetjing av jordskiftet, i den mon det er nødvendig. Heimelen er i samsvar med gjeldande jordskiftelov § 72 andre ledd.

### 14.9.2 Høyringsinstansane

Høyringsinstansane er i sine merknader først og fremst opptekne av språk og lovteknikk.

*Justisdepartementet* uttaler:

«Vi reiser spørsmål om bestemmelsen i annet ledd annet punktum kan formuleres slik at den som mener endringen volder tap for seg, må fremsette krav om utvidelse av ankesaken innen en uke (i stedet for å kreve en frist på en uke osv.).»

*Justisdepartementet* peikar elles på at overskrifta må vise klart at regelen i § 8-11 gjeld prøving av jordskifteavgjerd, og kjem med eit forslag til ei klarare formulering av første ledd. Dei uttaler:

«Ved behandling av anke over jordskifteavgjerd kan ankeinstansen prøve alle sider av saka.»

Justisdepartementet peikar òg på at ein bør nytte uttrykket «treffe ny avgjerd» i staden for «endre avgjerda», slik det var foreslått i andre ledd.

*Domstoladministrasjonen* uttaler om språket:

«Andre setning i andre ledd kan virke uklare. Poenget er at den som får anke mot seg skal ha adgang til å ta opp andre ting i samme sak. Her bør det gjeres språklige forbedringer.»

*Jordskifteoverrettane* har i si uttale merknader både til lovteknikken og språket:

«Første ledd: Vi finn grunn til igjen å minne om at det er betre med ein direkte regel i jordskiftelova, enn å vise til skjønnsprosesslova slik det er gjort her. Det er like enkelt å gi ein regel om at ved overjordskifte fell jordskifteretten si avgjerd bort så langt lagmannsretten har avgjort saka.

Andre ledd: Vi er samde i realiteten i dette leddet som er ein vidareføring av dagens lov-

tekst. Vi meiner likevel formuleringa er noko uklar, og bør skrivast om. Særleg bør det gå fram at «tap» skal målast i forhold til situasjonen slik den var for kvar enkelt part då saka vart anka.»

*Jordskifterettsleiarane og jordskifteoverdommaren i Frostating jordskiftedømme* meiner det er overflødig å vise til skjønnsprosesslova § 37 og 38 i høyringsforslaget § 8-9.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* viser til at fristen for å krevje utviding av ankesaka blir lengre enn i gjeldande jordskiftelov § 67 andre ledd fjerde punktum. Dei foreslår:

«at dette endres slik at alle som får anke mot seg får frist på tre uker for å krevje utvidelse av ankesaken. En uke er urimelig kort frist for å ta stilling til et så viktig spørsmål. (Det bør i alle fall vurderes spesielt om ei veke er tilstrekkelig). Det virker unødvendig tungvint at den som får anke mot seg først må krevje å få en frist.»

*Domstoladministrasjonen* uttaler til høyringsforslaget til § 8-11 tredje ledd, som gjeld behandling av tvistar om grenser med vidare som oppstår i samband med behandling av ankesak:

«Tredje ledd framstår som uklar. Dersom det her åpnes for at lagmannsretten kan treffe avgjørelsen direkte, framgår ikke dette tydelig nok av bestemmelsen. En slik mulighet bør framgå uttrykkelig.»

### 14.9.3 Departementets vurderingar

Grunnlaget for prøvinga i ankeinstansen er det partane i ankesaka har anka over. Gjeldande løysing der nokre spørsmål skal ankast til jordskifteoverretten medan andre spørsmål går til lagmannsretten, gjer at det dessutan er avgrensingar i prøvinga fordi ankeinstansane ikkje har full kompetanse i saka. Når alle ankesaker skal gå for lagmannsretten, er det ikkje lenger slike avkortingar i kompetansen. Innanfor det det er anka over må lagmannsretten såleis etter lovforslaget kunne bruke alle verkemidla i jordskiftelova. Departementet meiner dette er utgangspunktet, og foreslår heller ikkje reglar som avgrensar den kompetansen lagmannsretten skal ha. I lovforslaget § 8-10 første ledd foreslår departementet såleis at det skal gå fram at lagmannsretten kan prøve alle sider av jordskifteavgjerda.

Departementet er samd med arbeidsgruppa i at det berre er nødvendig med eigne reglar om prøving av jordskifteavgjerd. Dette er òg løysinga i gjeldande jordskiftelov. Forslaget til regel om prøving av jordskifteavgjerd står i lovforslaget § 8-10. Der det ikkje er behov for eigne løysingar på grunn av jordskifte, har departementet av omsyn til regelforenkling vald å bruke løysingane i tvistelova. Departementet foreslår dessutan å sløyfe nokre detaljerte vilkår i gjeldande jordskiftelov for behandling av ankesaka, sjå omtalen av «utvida gransking» nedanfor.

Det går fram av andre ledd at om anke ikkje fører til endring, skal anken forkastast etter tvistelova § 29-23 andre ledd. Dette er ei endring i høve til gjeldande jordskiftelov § 67 andre ledd andre punktum. Etter gjeldande regel skal jordskiftet stadfestast dersom anken berre kan føre til endring som det etter måten ikkje kan leggjast nemnande vekt på. Departementet meiner at forslaget til ny løysing legg opp til ei meir effektiv behandling i lagmannsretten enn gjeldande ordning. I tillegg fører endringa til at løysinga svarar betre til systemet i tvistelova.

Fører anke til endring, skal lagmannsretten etter lovforslaget § 8-8 andre ledd treffe ny jordskifteavgjerd eller oppheve avgjerda etter tvistelova §§ 29-23 og 29-24. Når lagmannsretten kan treffe ny jordskifteavgjerd, kan retten prøve alle sider ved saka uavhengig av kva det er anka over. Den ordlyden som er vald dekkjer etter departementets syn òg dei innvendingane Justisdepartementet kjem med i si høyringsuttale. Innhaldet i forslaget er på dette punktet i samsvar med gjeldande jordskiftelov. Det er likevel nytt i lovforslaget at avgjerda kan opphevast. Denne løysinga er aktuell der lagmannsretten finn at det ligg føre ein saksbehandlingsfeil ved avgjerda i jordskifteretten, sjå tvistelova § 29-23 (3). I slike høve bør lagmannsretten òg i jordskiftesaker kunne vise saka tilbake til ny behandling i jordskifteretten. Det er nytt at reglane i tvistelova vil gjelde, men den nye regelen har likevel ein viss innhaldsmessig likskap med gjeldande jordskiftelov § 65 første ledd.

Regelen om «utvida gransking» i gjeldande jordskiftelov § 67 andre ledd krev særleg omtale. Regelen gir ein part, når endringar i jordskiftet vil valde tap for han, rett til å krevje ein frist på opptil ei veke for å setje fram krav om å få granskinga utvida så langt det trengst for å avgjere om ikkje jordskiftet på andre punkt bør endrast til fordel for han. Regelen aukar rettstryggleiken for dei partane som ikkje har anka saka. Behandlinga av anken kan for enkelte partar føre til eit dårlegare resultat enn situasjonen var etter avgjerda i jord-

skifteretten. Regelen om «utvida gransking» gir i så fall partane dette går ut over rett til å krevje at ankeinstansen òg skal vurdere andre tilhøve ved avgjerda i jordskifteretten. Regelen kan gjere det vanskeleg å planleggje behandlinga av saka. Det kan vere vanskeleg å vere førebudd på arbeidsomfanget med ei sak. For partane kan det såleis bli usikkert kor omfattande og kostbar ei ankebehandling vil bli. Etter reglane om «utvida gransking» kan ei enkel anke som berre gjeld ein del av saka både geografisk og sakleg, teoretisk utvikle seg slik at alle spørsmål i saka må prøvast på nytt. I praksis har regelen likevel mest funksjon som eit «sikkerhetsnett», og han brukast heller sjeldan.

Fleire høyringsinstansar etterlyser ein klarare regel. Departementet er samd i at det er grunn til å sjå nærare både på formuleringar og funksjon. Departementet foreslår å forenkle regelen vesentleg, og gjere innhaldet tydelegare.

Departementet meiner at dette kompliserte regelsettet som ikkje seier anna enn det sjølvsagte at ein part kan krevje, bør erstattast med ei langt enklare ordning. Det at ein part kan krevje at retten utvidar saka, slik den gamle regelen lydte, er opplagt. Det er likevel sentralt at lagmannsretten ikkje kan imøtekomme ein anke og utføre endringar om det fører til tap hos ein av ankemotpartane. Det sentrale må etter dette vere at retten må kunne gå ut over det den ankande parten har anka over. I slike høve må retten ha moglegheit til å trekkje inn delar av jordskifteavgjerda som det ikkje er anka over, og gå så langt som nødvendig for å fylle vilkåret om at ingen skal li tap jf. lovforslaget § 3-18. Forslaget er teke inn i lovforslaget § 8-10 fjerde ledd.

Domstoladministrasjonen peikar på at det i høyringsforslaget § 8-11 ikkje går klart fram om lagmannsretten skal kunne behandle tvistar som først oppstår under ankebehandlinga og som det er nødvendig å ta stilling til på grunn av jordskiftet. Slik gjer jordskifteoverretten det etter gjeldande rett, sjå gjeldande jordskiftelov § 70 første ledd. Departementet er samd i at lagmannsretten må ha ein slik heimel, og at heimelen til å avgjere slike tvistar, må kome klarare fram i lova. Dersom ankeinstansen ikkje har kompetanse til å behandle slike tvistar, ville ankebehandlinga kunne ta lang tid fordi prosessen stadig ville stoppe opp i påvente av behandling i første instans. Regelen går fram av lovforslaget § 8-10 femte ledd. Departementet meiner at lagmannsretten her må få eit val. Anten skal retten avgjere tvisten, eller vise heile jordskiftesaka tilbake til

jordskifteretten. Valet må byggje på kva retten finn tenleg.

Departementet foreslår ut over dette ein ny regel i lovforslaget § 8-10 sjette ledd slik at tvistelova § 29-3 gjeld for avgjerda om å vise ei sak tilbake til jordskifteretten. Regelen er teken inn av informasjonsomsyn slik at sjølvprosederande partar skal kunne forstå gangen i ei slik sak.

## 14.10 Hjelp til teknisk arbeid

### 14.10.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa meiner at det i nokre tilfelle kan vere mest praktisk at lagmannsretten nyttar teknisk hjelp frå jordskifterettane. I høyringsforslaget er det derfor teken inn ein heimel i § 8-3 siste ledd som gir jordskifterettane plikt til å yte slik hjelp dersom lagmannsretten ber om det.

### 14.10.2 Høyringsinstansane

Forslaget kommenterast i liten grad av høyringsinstansane, men *jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* viser til at det blir ei samanblanding av roller om jordskifteretten skal gi slik teknisk hjelp som lagmannsretten ber om.

### 14.10.3 Departementets vurderingar

Departementet legg til grunn at forslaget i kapittel 14.1 om at jordskifteoverretten blir ein del av lagmannsretten vil føre med seg at det vil bli jordskifteteknisk personale i lagmannsrettane, sjå lovforslaget § 9-7 nr. 1 domstollova ny § 62 a. I praksis vil lagmannsretten såleis i dei fleste høve ikkje ha behov for teknisk hjelp frå jordskifterettane. Det kan likevel oppstå unntakstilfelle der det er behov for slik hjelp, for eksempel dersom ankebehandlinga kan gjennomførast utan synfaring. Departementet meiner derfor at det bør vere mogleg å innhente slik hjelp frå jordskifteretten. Departementet foreslår i lovforslaget § 8-11 første ledd ein regel om dette.

Lagmannsretten bør òg ha heimel til å fastsetje at jordskifteretten skal merkje av nye grenser som følgjer av ankebehandlinga. Forslaga går fram av lovforslaget § 8-11 andre ledd. Etter departementets syn er det liten grunn til å tru at ein slik unntaksheimel vil føre til rolleblanding slik jordskiftedommarane i *Gulating jordskiftedømme* er inne på.

I gjeldande jordskiftelov § 69 har elles den jordskiftedommararen som har styrt jordskiftet plikt til å møte fram til overjordskiftet etter innkalling

frå jordskifteoverretten. Han skal stå til teneste med opplysningar så lenge jordskifteoverretten finn det nødvendig. I høyringsforslaget førast denne regelen ikkje vidare. Departementet ser heller ikkje at det er behov for ein eigen regel om dette. Føresegna førast såleis ikkje vidare i lovforslaget.

## **14.11 Ny behandling i jordskifteretten**

### **14.11.1 Høyringsforslaget**

I høyringsnotatet er det vist til at det ved jordskifteavgjerder ofte er mange partar, og at avgjerda ikkje blir rettskraftig for nokon av dei før heile saka er avslutta. Arbeidsgruppa peikar på at det er uheldig om ankeinstansen i slike saker kan vise saka tilbake til ny behandling i første instans dersom anken fører fram. Dette gjeld i høve til feil både i den materielle avgjerda, og feil ved saksbehandlinga. Oppheving og heimvising kan resultere i ein runddans mellom instansane som er kostbar, og som fører til unødige tidsspille.

Det er vist til at heimvising til ny behandling i jordskifteretten i nokre tilfelle likevel vil vere tenleg, eller nødvendig. Gjeldande jordskiftelov har derfor reglar om dette i for eksempel §§ 72 siste ledd (om feil i det tekniske grunnlaget – gjennomsyn), 70 andre ledd (der krav om jordskifte feilaktig er avvist av materielle grunnar), 70 tredje ledd (feil etter kapittel 3 som gjer at skiftet heilt eller delvis bør bli gjort om). I høyringsnotatet er det framheva som ønskeleg at desse føresegnene blir ført vidare, jf. høyringsforslaget § 8-11.

Etter gjeldande jordskiftelov § 70 første ledd, kan jordskifteoverretten ta avgjerd i saker som gjeld tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett eller anna som ikkje er blitt avgjort i jordskifteretten om det trengst av omsyn til jordskiftet. Føresegna let seg ikkje passe inn i ein modell der lagmannsretten tek over for jordskifteoverretten. Det vil ikkje gi moglegheit for ei totrinns behandling av spørsmålet, fordi ein eventuell anke ville måtte gå til Høgsterett. Sjølv om arbeidsgruppa foreslår at lagmannsretten skal overta for jordskifteoverretten, var arbeidsgruppa klar over at slike situasjonar vil kunne oppstå. I høyringsnotatet blei det derfor sett fram forslag om at føresegna skal omarbeidast til ein regel om heimvising til ny behandling, jf. høyringsforslaget § 8-11 tredje ledd.

Med den løysinga arbeidsgruppa foreslår for ankebehandlinga, er det lagt til grunn i høyringsnotatet at det kan bli noko færre saker enn i dag som reint faktisk vil bli behandla på nytt i jordskif-

teretten. Ein såg likevel behov for ei føresegn om at jordskifteretten skal fortsetje eller gjenopne jordskiftet i den mon det følgjer av avgjerda i ankeinstansen, jf. høyringsforslaget § 8-12, som fører gjeldande jordskiftelov § 65 vidare.

### **14.11.2 Høyringsinstansane**

Departementet kan ikkje sjå at høyringsinstansane har gitt særlege kommentarar til spørsmålstillingane.

### **14.11.3 Departementets vurderingar**

Departementet er samd med arbeidsgruppa i at både tidsbruken og kostnadene med ei ny behandling i jordskifteretten etter behandlinga i lagmannsretten (heimvising) er store, og at det ut frå proporsjonalitetsprinsippet må vere unntaket at ei jordskifteavgjerd bør visast tilbake til ny behandling i jordskifterett. Dette er òg i tråd med gjeldande praksis. Departementet meiner at bruken av heimvising bør reserverast til situasjonar der det er spørsmål som betyr mykje for partane, og der avgjerda i ankeinstansen fører til at ein må starte på nytt igjen. Dette sikrar partane at jordskifteløysinga kan prøvast i ei ny anke. Departementet foreslår ein slik regel i lovforslaget § 8-10 andre ledd der det er vist den moglegheita lagmannsretten blant anna har etter tvistelova § 29-23 til å oppheve avgjerda og sende saka tilbake for ny behandling i tingretten. I tvistelova § 29-23 fjerde ledd er det lagt til grunn at om ein anke over innhaldet i avgjerda fører fram, skal lagmannsretten treffe ny avgjerd om han har grunnlag for det. Tvistelova § 29-24 gir reglar om vidare behandling av saka etter oppheving.

Lovforslaget § 8-10 fører til at jordskifteretten kan få saka tilbake i tre tilfelle. Det eine er dersom lagmannsretten opphever jordskifteavgjerda på grunn av saksbehandlingsfeil etter andre ledd. Det andre tilfellet er når lagmannsretten finn det tenleg å vise ei sak tilbake med heimel i fjerde ledd når det kjem opp tvist om grenser, eigedomsrett med vidare og lagmannsretten finn at det er ønskeleg med ny behandling i jordskifteretten. Det tredje tilfellet er dersom lagmannsretten finn at anken fører fram, men at lagmannsretten ikkje gjer ny realitetsavgjerd fordi retten meiner han ikkje har grunnlag for slik avgjerd. Departementet legg såleis til grunn at det berre unntaksvis vil vere aktuelt at ei sak vil behandlast på nytt i jordskifteretten.

Blir avgjerda oppheva og sendt tilbake til jordskifteretten, følgjer det av tvistelova § 29-24 at



jordskifteretten av eige tiltak skal sørgje for å behandle saka vidare. I slike høve skal jordskifteretten følgje den rettsoppfatninga som låg til grunn for opphevinga i lagmannsretten. Departementet ser ingen grunn til å fastsetje andre reglar om den vidare behandlinga i jordskifteretten. Tilvisinga til tvistelova § 29-24 går fram av lovforslaget § 8-10 andre ledd.

## 14.12 Frist for å setje i verk jordskiftet

### 14.12.1 Høyringsforslaget

Høyringsforslaget § 8-13 inneber at lagmannsretten, i den mon det vil vere nødvendig, kan fastsetje nye fristar for iverksetjing av jordskiftet. Om ikkje anna er fastsett i avgjerda om å stadfeste jordskiftet, skal fristane som er fastsette i jordskifteavgjerda reknast frå første årsdagen for slutting av jordskiftet etter at avgjerda er forkynt.

### 14.12.2 Høyringsinstansane

*Jordskifteoverrettane* viser til at forslaget fører vidare gjeldande jordskiftelov, og at det trengst ein regel om dette. Det er òg peika på at formuleringa ikkje er god. I uttalen heiter det:

«Vi gjer merksame på at årsdagen i den siste kommentarutgåva er forklart slik at ein kan tru dette er årsskiftet. Det som er meint med årsdagen er nok at ikraftsetjinga skal setjast til same dagen, men i nytt år. I alle fall kunne ein omtalt dette klårare.»

*Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* kommenterer òg dette.

### 14.12.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at regelen i gjeldande jordskiftelov § 66 er noko innfløkt, og er samd med høyringsinstansane i at ho bør gjerast enklare. Med heimel i lovforslaget § 8-1 tredje ledd, jf. § 6-27, kan lagmannsretten fastsetje nye fristar som skal gjelde iverksetjinga av jordskifteløysinga. Departementet meiner at det av omsyn til informasjon er ønskeleg at dette går særskilt fram av kapitlet om rettsmiddel, og foreslår ein slik regel i lovforslaget § 8-12.

Etter departementets syn er det tilstrekkeleg med ein regel om at lagmannsretten skal ta stilling til fristane for å setje jordskiftet i verk. Forslaget til slik hovudregel er teke inn i lovforslaget § 8-12 første punktum. For det tilfellet at frist-

spørsmålet ikkje har blitt fastsett av lagmannsretten, foreslår departementet i andre punktum ein regel om at ein part kan krevje at førstelagmannen fastset nye fristar. Departementet legg til grunn at førstelagmannen i slike høve må innhente synet til partane på saka før avgjerda skal takast.

## 14.13 Anke til Høgsterett

### 14.13.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa meiner at Høgsterett, som i dag, skal vere ankeinstans i saker lagmannsretten har avgjort etter jordskiftelova. Det er vist til at det vil vere ei tenleg løysing om tvistelova kapittel 30 gjeld ved behandlinga av saka. Skjønnsprosesslova § 38 bør likevel gjelde ved overskjønn og for jordskifteavgjerd som lagmannsretten behandlar. Ei føresegn om dette er innarbeidd i høyringsforslaget § 8-14.

### 14.13.2 Høyringsinstansane

*Jordskifteoverrettane, jordskifterettane i Agder og jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* meiner at paragrafen er unødvendig. Løysinga følgjer av det som er gjort gjeldande i tvistelova.

### 14.13.3 Departementets vurderingar

Departementet legg til grunn at ankeinstansen blir lagmannsretten. Når jordskiftelova styrer alle avgjerdsformer som blir anka til lagmannsrett, avgjerast òg ein anke over jordskifteavgjerd i lagmannsretten.

Tvistelova § 30-1 gjer Høgsterett til ankeinstans for avgjerder frå lagmannsrettane. Etter den nye ordninga vil lagmannsretten treffe avgjerder, òg for dei reine jordskifteavgjerdene. Departementet er derfor samd i at det strengt tatt ikkje er behov for ein eigen regel i jordskiftelova som seier at Høgsterett skal vere ankeinstans for avgjerder i lagmannsretten, sjølv om anken er avgjort etter reglane i jordskiftelova. Departementet har elles i dette lovforslaget lagt til grunn at sjølv om det ikkje er strengt nødvendig å ha reglar i jordskiftelova, har ein likevel teke dette med i lovteksten for å gi brukarane av lova god informasjon om reglane. Derfor vil ein òg her ha med ei konstatering av at Høgsterett er ankeinstans.

Etter gjeldande rett er det berre saksbehandling og rettsbruk som kan ankast frå jordskifteoverrett til lagmannsrett. Forslaget til arbeidsgruppa går ut på ei tilsvarande avgrensing ved

anke frå lagmannsrett til Høgsterett, ved at det for slike avgjerder visast til skjønnsprosesslova § 38. Ingen av høyringsinstansane har hatt merknader til dette. Skjønnsprosess og jordskifte liknar på ein annan, og det at reglane på desse områda er nokså parallelle er rimeleg sett i lys av kva avgjerdene gjeld. Departementet har fleire andre stader i lovforslaget vald å formulere regelen direkte inn i jordskiftelova, i staden for å vise til andre lover. Det vil ein òg gjere her. Sidan det uansett er behov for ein spesialregel for vidare anke av slike spørsmål til Høgsterett, kan ein for ordens skuld og etter mønster av skjønnsprosesslova ta med opplysningar om ankeinstans og at tvistelova kapittel 30 gjeld ved behandling av anken. Den nye regelen går fram av lovforslaget § 8-13.

## 14.14 Gjenopning

### 14.14.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa foreslår ei eiga føresegn om gjenopning slik regelen er i dag. Forslaget går fram av høyringsforslaget § 8-15. Føresegna byggjer på gjeldande jordskiftelov § 73 og på tvistelova § 31-1 (3). Arbeidsgruppa foreslår at avgjerd teken av jordskifteretten eller lagmannsretten kan gjenopnast etter reglane i tvistelova kapittel 31. Kravet om gjenopning må rettast til ein rett med rettskrets som grensar til den retten som har teke avgjerda. Ut over gjenopningsgrunnane som er rekna opp i tvistelova, er det i høyringsforslaget lagt til grunn at jordskifteavgjerd kan gjenopnast dersom føresetnadene for avgjerda er endra på ein slik måte at avgjerande tiltak i jordskifteløysinga ikkje kan gjennomførast. Det er lagt til grunn at gjenopningsdomstolen skal kunne gjere dei endringane som trengst for å rette opp mishøvet.

### 14.14.2 Høyringsinstansane

*Jordskiftedommarane i Gulating jordskiftedømme* peikar i sin høyringsuttale på at andre ledd i forslaget til § 8-15 ikkje er nødvendig, sidan regelen alt står i tvistelova. *Jordskifterettane i Agder jordskiftedømme* uttaler følgjande til § 8-15, gjenopning: «2.ledd er ikkje naudsynt gjentakning av det som står i tvisteloven kap. 31»

### 14.14.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner at det er nødvendig med ein heimel for gjenopning som byggjer på reglane i tvistelova slik regelen òg er i dag, sjå gjeldande

jordskiftelov § 73. Det går fram av lovforslaget § 8-1 sjuande ledd at gjenopning skal følgje lovforslaget § 8-14. Det går òg fram av lovforslaget § 6-1 andre ledd punkt q at tvistelova kapittel 31 om gjenopning gjeld slik dei går fram av lova her eller. så langt reglane høver. Heimelen for gjenopning i den nye jordskiftelova må såleis gjere synleg koplinga mellom jordskiftelova og tvistelova. I tillegg må reglane løyse tilhøve som er særlege for jordskifteretten. Lovforslaget § 8-14 gir heimel for gjenopning og viser at vilkåra for slik gjenopning og reglane om saksbehandling for retten skal følgje reglane i tvistelova kapittel 31. Regelen tilsvargar gjeldande jordskiftelov § 73 første ledd og høyringsforslaget § 8-15 første ledd.

Departementet er samd med høyringsinstansane i at det berre er nødvendig å ta med eigne reglar om gjenopning ved jordskifteavgjerd.

I lovforslaget § 8-16 står det at krav om gjenopning av sak avgjort av jordskifteretten skal rettast til ein jordskifterett med jordskiftesokn som grensar til den domstolen som har teke avgjerda. Løysinga samsvarer med gjeldande jordskiftelov, og med den løysinga som er vald i tvistelova.

Gjenopning av jordskifteavgjerd må vurderast i lys av at det ikkje kan krevjast nytt jordskifte før det har gått 10 år, sjå gjeldande jordskiftelov § 4. Lova har òg unntak frå sperrefristen i visse høve. Reglane om sperrefrist er ført vidare i lovforslaget § 3-37. Gjeldande jordskiftelov § 73 andre ledd har ein regel om gjenopning i den tida sperrefristen for nytt jordskifte gjeld. Behandlinga ved gjenopning er noko enklare enn eit nytt jordskifte, fordi kompetansen til gjenopningsdomstolen er avgrensa til å gjere nødvendige endringar for å rette opp mishøvet, sjå gjeldande jordskiftelov § 73 tredje ledd. Behovet for reglar om gjenopning har òg samanheng med reglane om gjennomsyn i gjeldande jordskiftelov § 72, og dei reglane som gjeld for retting. Sjå omtale av dette i kapittel 14.2.3.2.

Departementet meiner at det er behov for ein særleg regel om gjenopning av jordskifteavgjerd i sperrefrist-tida. Fullt nytt jordskifte kan i nokre tilfelle vere aktuelt, men dersom føresetnadene for jordskiftet er endra slik at avgjerande tiltak for iverksetjing av skifteplanen ikkje let seg gjere bør partane i noko større grad kunne avgrense behandlinga til dei tilhøva som er problematiske. Gjenopning gjer det mogleg å redusere kostnadene ved prøvinga, både for partane og for retten. I spørsmål som gjeld arealbruk kan føresetnadene endre seg over tid, og for eksempel nye forvaltingsvedtak kan gjere iverksetjinga vanskeleg. Da er det viktig at det finst ei effektiv sikringsord-

ning. Gjenopning kan etter dette òg gjelde jordskifteavgjerd. Vilkåra for slik gjenopning går fram av lovforslaget § 8-15. Forslaget svarar til løysinga i gjeldande jordskiftelov § 73 andre ledd.

Det går fram av tvistelova § 31-8 (3) at om kravet om gjenopning fører fram, skal saka behandlast «etter de alminnelige regler for sakstypen». Dette vil vere hovudregelen òg i sak avgjort etter jordskiftelova. Departementet meiner likevel det ved gjenopning av jordskifteavgjerd er grunn til å føre vidare regelen i gjeldande jordskiftelov § 73 tredje ledd som fastset at gjenopningsdomstolen berre skal gjere dei endringane som trengst for å rette opp mishøvet. Dersom endringa gjeld gren-

ser eller liknande der kostnadene ikkje vil stå i rimeleg høve til det ein kan oppnå med gjenopninga, bør det dessutan vere mogleg å gjere opp endringane heilt eller delvis i pengar, skog eller andre verdiar. Forslaget byggjer fullt ut på reglane i dag, og dei går fram av lovforslaget § 8-16 andre ledd.

Departementet meiner at det er lettare å lese ei lovtekst der innhaldet er delt opp i tre paragrafar; ein som gir heimel for gjenopning (lovforslaget § 8-14), ein som fastset særlege vilkår for gjenopning av jordskifteavgjerd (lovforslaget § 8-15), og ein som fastset reglar om saksbehandlinga (lovforslaget § 8-16).

## 15 Ymse reglar, overgangsreglar og ikraftsetjing

### 15.1 Ymse reglar

#### 15.1.1 Høyringsforslaget

Kapittel 9 i lovforslaget til arbeidsgruppa inneheld reglar som gruppa meinte ein kunne samle i eit kapittel med «ymse føresegner», sjå òg høyringsnotatet kapittel 5.13. Reglane er i det vesentlege henta frå kapittel 12 i gjeldande jordskiftelov. Høyringsforslaget § 9-1 har reglar om utbetaling av pengevederlag til eigaren av ein pantsett eigedom, og dessutan om deponering. Regelen erstatta gjeldande jordskiftelov § 90. Høyringsforslaget § 9-2 gjeld overføring av skyldnader knytt til eigedom eller grunnstykke som er med i jordskifte. Paragrafen erstattar gjeldande jordskiftelov 92 første ledd. Høyringsforslaget § 9-3 gjeld den meldeplikta som offentlege organ har etter kulturminnelova. Meldeplikta gjeld òg for jordskifterettane. Paragrafen erstattar gjeldande jordskiftelov § 92 andre ledd. Høyringsforslaget § 9-4 gjeld kompetansen jordskifteretten har til å ta nødvendige avgjerder etter skogbrukslova. Paragrafen erstattar gjeldande jordskiftelov § 93. Høyringsforslaget § 9-5 gjeld straffeansvar for den som bryt reglar jordskifteretten gir om bruken av areal medan jordskiftesaka er under behandling eller fram til jordskifteavgjerda blir rettskraftig, jf. høyringsforslaget § 3-30. Paragrafen erstattar gjeldande jordskiftelov § 95. Arbeidsgruppa fremjer ikkje forslag om konkrete iversetjings- eller overgangsreglar, men set av plass til slike reglar i §§ 9-6 og 9-7. I § 9-8 foreslår arbeidsgruppa endringar i andre lover.

#### 15.1.2 Høyringsinstansane

Justisdepartementet uttaler til høyringsforslaget § 9-5, straffeføresegna:

«Vi legger til grunn at henvisningen i utkastet § 9-5 er til utkastet § 3-30 annet ledd. Justisdepartementets klare oppfatning er at straff for overtredelse av den type reglar som jordskifteretten her er gitt hjemmel til å gi, ikke bør videreføres. Denne typen regelbrudd er ikke alvor-

lige nok til å sanksjoneres med straff. Det vises til redegjørelsen for kriminaliseringsprinsippene i Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) kapittel 7. For overtredelse av reglar gitt i medhold av utkastet § 3-30 (annet ledd) antar vi at sivilrettslige sanksjoner, herunder erstatningssøksmål, vil være tilstrekkelig. Man kan også vurdere om krav som grunner seg på slike reglar kan lovfestes som særlig tvangsgrunnlag, slik det er gjort for fravikelseskrav etter skjønnsprosessloven § 55.»

Justisdepartementet gjer elles merksam på at gjeldande lov § 95 tredje punktum er vedteken, men ikkje sett i kraft. § 95 tredje punktum seier at medverknad ikkje blir straffa. Regelen blei vedteken i samband med ny straffelov for å unngå ei utilsikta endring av dagens rettsstilstand, som følgje av straffelova § 15.

*Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme* uttaler, til høyringsforslaget § 9-1 om utbetaling av pengevederlag, at framlegget fører vidare gjeldande jordskiftelov § 90. Det er likevel ein skilnad og det er at ein ikkje lenger kan betale inn pengar til politimeisteren, men skal deponere pengane i samsvar med reglane i deponeringslova. Jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme støttar endringsforslaget, som medfører at politimeisteren er bytta ut med Norges Bank. Dei uttaler elles at forslaget til § 9-4 om avgjerd etter skogbrukslova fører vidare gjeldande jordskiftelov § 93. Dei har ikkje merknader til dette ut over forslag om visse språklege endringar.

*Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme* meiner høyringsforslaget § 9-3, om meldeplikt etter kulturminnelova er sjølvstøtt og unødvendig, og kan takast ut av lova.

*Norges Skogeierforbund* uttaler til høyringsforslaget § 9-4 om kompetansen til jordskifteretten til å ta nødvendige avgjerder etter skogbrukslova:

«Dette er en videreføring av bestemmelsen i § 93 i gjeldende jordskiftelov. Fra en jordskifterett i innlandet har vi fått opplyst at denne bestemmelsen brukes ved deling av skogfond ved oppløsning av sameier, og ved overføring

av skogfondsmidler ved bytte av grunn. Etter vår vurdering er det hensiktsmessig at jordskifteretten har anledning til å utføre slike disposisjoner. Vi har imidlertid også opplevd at det er stilt spørsmål ved om denne bestemmelsen gir jordskifteretten anledning til å behandle søknader om tillatelse til bygging av landbruksveier som er til behandling i jordskifteretten. Det bør det ikke være. Derfor mener vi at det i § 9-4 bør tas inn en presisering som begrenser jordskifterettens myndighet til avgjørelser etter Skogbrukslovens § 14 slik at ikke denne hjemmelen fremstår som generell.»

*Fylkesmannen i Sør-Trøndelag* har òg merka seg at jordskifteretten kan ta avgjerd etter skogbrukslova jf. § 9-4 i høyringsforslaget. Fylkesmannen uttaler:

«Skogbruksstyresmakten skal varsles ved «større» hogster og ved hogst i vernskog. Dette kan tolkes slik at myndigheten er avgrenset til hogst – «uthogst» for eksempel som del av et standsskogoppgjør. Fylkesmannen har i enkelte tilfelle erfart at rettsavgjørelser som har inkludert «uthogster» i liten grad har ivare tatt hensyn til viktige miljøhensyn. Tilsvarende at fordeling av foryngelsesplikten etter skogbrukslova, har vært uklar. Fylkesmannen forutsetter at jordskifterettens myndighet etter § 9-4 ikke bare skal medføre beslutninger om hogst, men også beslutning som klargjør skogbrukslovens øvrige bestemmelser angående skogeiers forvalteransvar – i hovedsak plikter i forhold til miljø og foryngelse etter hogst. I denne sammenhengen bør også retten beslutte størrelse på skogfondsavsetning og fordeling av skogfond som oppstår etter slik hogst. Skogbruksstyresmaktene skal varsles ved større hogster. Det er opp til skogstyresmakten å møte opp og uttale seg. Fylkesmannen håper at praktiseringen av denne konsultasjonen kan gå lenger enn en enkel varslingsplikt, slik at skogbruksstyresmaktene blir oppfordret til å uttale seg. Vurderinger av miljøtilpasninger, krav til tilfredsstillende foryngelse og nødvendig fondsavsetning, forsterker behovet for involvering av skogbruksstyresmakten og dens fagkompetanse.»

*Jernbaneverket* viser til at jordskifteretten både skal kunne ta avgjerder etter skogbrukslova, og samstundes ha domstolskompetanse innanfor same saksfelt. Dette reiser prinsipielle spørsmål som må drøftast. Jernbaneverket uttaler òg:

«Siste setning om at «skogbruksstyresmakta skal få høve til å seie si meining» skaper uklarhet. Kommentarene gir ingen føringer utover at skogbruksstyresmakta kun har rett til uttalelse og ingen plikt, status som part eller sakkyndig, ei heller mulighet for anke. Skal skogbruksmyndighetenes synspunkter tillegges vekt, må det konkretiseres hvilken betydning en slik uttalelse skal gis og hvilke konsekvenser en unnlattelse av å innhente slik uttalelse kan få. Dersom slik uttalelse ikke har noen funksjon eller reell innflytelse, kan bestemmelsen utelates.»

### 15.1.3 Departementets vurderingar

#### 15.1.3.1 Innleiing

Kapittel 9 i lovforslaget har reglar om utbetaling av pengevederlag, om skyldnader til eigedommar som er med i jordskifte, meldeplikt etter kulturminnelova og avgjerd etter skogbrukslova. Kapitlet har òg overgangs- og iverksetjingsreglar. Dette er reglar som det passar å gi i eit avsluttande kapittel med namnet «ymse reglar». Reglane §§ 9-1 til 9-4 er i det vesentlege henta frå kapittel 12 i gjeldande jordskiftelov.

#### 15.1.3.2 Utbetaling av pengevederlag i ei jordskiftesak

Lovforslaget § 9-1 omhandlar utbetaling av pengevederlag. Paragrafen erstattar gjeldande jordskiftelov § 90. Eit jordskifte er bindande for alle som har rettar i dei eigedommane som er underlagt jordskifte. Det gjeld òg panthavarar og andre med sikkerheit i eigedommane. Ingen eigedom som er med i jordskiftet skal bli mindre verd etter skiftet. For å sikre panthavarar mot at eigaren skal bruke opp pengane slik at sikkerheita til panthavaren blir redusert, er det i gjeldande jordskiftelov § 90 første ledd sett eit forbod mot å betale ut eit pengevederlag til eigaren utan at rettshavaren samtykkjer. Regelen er ført vidare i lovforslaget § 9-1 første ledd.

Andre ledd i gjeldande jordskiftelov § 90 har ein regel om at han eller ho som skal betale pengar kan betale dei til politimeistaren som skal setje pengane på beste vilkår i «godkjend bank» til det er avgjort kven som skal ha dei. Arbeidsgruppa uttaler i høyringsnotatet at ein ikkje har funne ut kvifor ein i jordskiftelova har valt ei løysing med deponering hos politimeistaren, og ikkje deponering etter lov 17. februar 1939 nr. 2 om deponering i gjeldshøve (deponeringslova).

Departementet meiner, som arbeidsgruppa og jordskifterettane i Eidsivating jordskiftedømme, at ei løysing med deponering etter deponeringslova må kunne passe òg i jordskiftesamanheng. Det bør vere ein positiv regel om dette i jordskiftelova, for å unngå tvil om deponeringslova § 1 er dekkjande for den situasjonen som første ledd beskriv. Departementet foreslår ein slik regel i lovforslaget § 9-1 andre ledd.

#### 15.1.3.3 *Skyldnader knytte til eigedom som er med i jordskifte*

Lovforslaget § 9-2 omhandlar skyldnader knytt til eigedom som er med i jordskifte. Paragrafen avløyser og er innhaldsmessig lik gjeldande jordskiftelov § 92 første ledd.

Regelen gjeld dei tilfella der ein eigedom er pålagt plikter eller grunnbyrder av ulike slag, gjerne knytt til avgrensa delar av eigdommen. Blir det overført eit grunnstykke til ein annan eigedom, skal pliktene følgje med så langt det lar seg gjere utan avgjerande ulempe for det som er formålet med jordskiftet. Pliktene blir fjerna frå den eine eigdommen, og tinglyst på den nye tenande eigdommen.

#### 15.1.3.4 *Meldeplikta jordskifteretten har etter kulturminnelova*

Lovforslaget § 9-3 omhandlar meldeplikta som jordskifteretten har etter kulturminnelova. Paragrafen avløyser gjeldande jordskiftelov § 92 andre ledd.

Etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner, skal offentlege organ som kjem i berøring med tiltak som fell inn under lova, melde frå til vedkommande kulturminnemyndigheit, jf. kulturminnelova § 25. Denne plikta gjeld etter gjeldande jordskiftelov, og etter lovforslaget òg for jordskifterettane for tiltak som blir planlagt eller sett i verk i samband med jordskifte. Meldeplikta for jordskifterettane gjeld «ved sida av eigar og brukar». Dette inneber at eigar og brukar òg har ei meldeplikt sjølv om saka er under jordskifte, sjå kulturminnelova § 8.

Jordskifterettane i Hålogaland jordskiftedømme meiner ein slik regel er sjølv sagt og unødvendig, og kan takast ut av lova. Departementet meiner regelen høyrer heime i jordskiftelova, som ei påminning til jordskifterettane om meldeplikta. Regelen fjernar eventuell tvil om at plikta òg gjeld for jordskifterettane, som er domstolar og ikkje forvaltingsorgan. Meldeplikta kan etter ordlyden i

kulturminnelova § 25, synest å retta seg berre mot forvaltingsorgan.

#### 15.1.3.5 *Avgjerd om fordeling av skogfondsmidlar*

Lovforslaget § 9-4 omhandlar myndigheita jordskifteretten skal ha i høve til fordeling av skogfondsmidlar i eit jordskifte. Paragrafen avløyser gjeldande jordskiftelov § 93, som gir jordskifteretten myndigheit til å ta avgjerder etter lov 27. mai 2005 nr. 31 om skogbruk (skogbrukslova). Det vil seie avgjerder som egentleg høyrer under skogbruksmyndigheitene. Departementet meiner, mellom anna på bakgrunn av høyringsuttalane frå Norges Skogeierforbund og Jernbaneverket, at verkeområdet for § 9-4 bør presiserast og avgrensa i den nye jordskiftelova. Som Skogeierforbundet er inne på, er det særleg i høve til fordeling av skogfond ved oppløysing av sameige og byte av grunn, at gjeldande føresegner blir brukt. Kompetansen til jordskifteretten må derfor kunne avgrensa i samsvar med dette. Det er ikkje nødvendig med ein så open heimel som i gjeldande jordskiftelov § 93. Myndigheit for jordskifteretten til å fordele skogfondsmidlar ved deling av eigedom følgjer òg av forskrift om skogfond 3. juli 2006 § 16.

Når det gjeld andre avgjerder som ligg under skogbruksmyndigheitene, foreslår departementet at ein følgjer det same prinsippet som elles i jordskiftesakene. Det inneber at nødvendige offentlege løyve må liggje føre frå vedkommande myndigheit, før jordskifteretten kan ta avgjerd om jordskifteløysinga, sjå lovforslaget § 3-17 andre ledd. Dette inneber at jordskifteretten må innhente nødvendige løyve frå skogbruksmyndigheitene der skogbrukslova, eller forskriftene til lova, set krav om slikt løyve. Eksempel kan vere bygging av vegar til skogbruksformål eller hogst i vernskog eller skogområde av særleg miljøverdi. Det er skogbruksmyndigheitene som har den beste faglege kompetansen til å vurdere om planlagte uthogstar er forsvarlege i høve til skogbrukslovgivinga.

Dette at jordskifteretten må ha myndigheit til å fordele inneståande skogfondsmidlar ved deling av sameige, har samanheng med høvetalet i sameiget og skifteregnskapet. Er det for eksempel to sameigarar med en ideell ½ kvar, vil sameiget bli delt slik at kvar part får att skog med verdi = ½ bruksverdi av heile sameiget. Eit riktig økonomisk oppgjer tilseier i første omgang at òg inneståande skogfond for sameiget blir delt med ½ på kvar part. Ved fordelinga må retten sjå til at intensjonen i § 16 i forskrift om skogfond følgjast opp.

Det er i første rekkje skogkulturbehovet på dei nye eigedommane som skal leggjast til grunn for fordelinga. Dersom part A får uplanta hogstflater, og part B ikkje, må part A få skogfondmidlane. Da oppstår det ein ubalanse i skifteoppgjeret, som må kompenseras i skifteregnskapet. Det kan gjerast ved at dei uplanta hogstflatene blir verdsette som nyplanta skog. Samanhengen mellom fordelinga av skogfondmidlane og sjølv skifteoppgjeret, gjer at jordskifteretten bør ha avgjerdsmyndigheita. Når det gjeld fordelinga av skogfond, meiner departementet det er ønskeleg at skogbruksmyndigheitene får uttale seg. Dette er særleg aktuelt i høve til spørsmålet om behov for skeivdeling av inneståande skogfondmidlar.

Jordskifteretten bør òg ha myndigheit til å overføre skogfondmidlar mellom partane ved ny utforming av grunn. I samband med uthogst kan det vere aktuelt å overføre skogfondmidlar mellom partane. Til vanleg blir det likevel ikkje gjort. Det har samanheng med at snau skoggrunn blir verdsett til 0 kroner i standskogoppgjeret. Den nye eigaren får plikta til forynging etter uthogst. Dette går greitt der ny eigar har nok inneståande skogfondmidlar. Dersom dette ikkje er tilfelle, må jordskifteretten overføre skogfondmidlar, eller påleggje tidlegare eigar å plante etter gjennomført uthogst. I begge tilfella må ytinga frå gammal eigar få ein motpost i standskogoppgjeret. Skogbestandet må verdsettast som nyplanta. Det vil seie at skogbestandet både får ein slakteverdi og ein venteverdi som nyplanta skog. Det blir ikkje økonomisk rett oppgjer om ny eigar får gratis skogkultur.

Ein føresetnad for kompetansen til å fordele og overføre skogfondmidlar, er at retten kan få innsyn i saldo i skogfondsregnskapet for dei aktuelle partane. Skogbruksmyndigheitene har så langt departementet er kjent med, alltid opplyst om dette på spørsmål frå jordskifteretten. Departementet meiner det likevel kan vere ei føremon å lovfeste dette i ei ny jordskiftelov.

#### 15.1.3.6 Straff

Høyringsforslaget § 9-5 erstattar, og er innholdsmessig nesten likelydande med, gjeldande jordskiftelov § 95. Forskjellen er at høyringsforslaget viser til dei relevante reglane som skal vere straffesanksjonerte i den nye jordskiftelova. Dette er høyringsforslaget § 3-30 andre ledd bokstav a og b, som gjeld reglar jordskifteretten gir om bruk av areala frå krav om jordskifte sett fram, og bruk av areala i tida frå saka er avslutta og fram til jordskiftet trer i kraft.

På bakgrunn av høyringsuttalen frå Justisdepartementet, er departementet komen til at det ikkje er nødvendig med ein strafferegel i den nye jordskiftelova. Ein regel om medverkaransvar er derfor heller ikkje aktuell. Departementet foreslår i § 3-34 tilsvarande heimel for mellombelse reglar som dei arbeidsgruppa foreslår i høyringsforslaget § 3-30, men departementet ser ikkje behov for å kriminalisere brot på slike reglar. Departementet viser til Justisdepartementets vurdering av at brot på denne typen reglar ikkje er alvorlege nok til å bli sanksjonert med straff, jf. utgreiinga om prinsippa for kriminalisering i Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) kapittel 7, der det i kapittel 7.5.1. mellom anna står:

«Departementet slutter seg i det vesentlige til vurderingene i Straffelovkommisjonens delutredning VII og Sanksjonsutvalgets utredning NOU 2003: 15 Fra bot til bedring, som i hovedtrekk er gjengitt foran. Skadefølgeprinsippet bør være utgangspunkt og grunnvilkår for kriminalisering: Atferd bør bare gjøres straffbar dersom den fører til skade eller fare for skade på interesser som bør vernes av samfunnet. I tillegg må to andre kriterier vurderes for at loven skal sette straff for en bestemt atferd: (1) Straff bør bare brukes dersom andre reaksjoner og sanksjoner ikke finnes eller åpenbart ikke vil være tilstrekkelige. (2) Straff bør bare brukes dersom nyttevirkningene er klart større enn skadevirkningene.»

Og i kapittel 7.5.3.3:

«Som nevnt foran, bør det ikke være tilstrekkelig for å kriminalisere en handling at den medfører skade eller fare for skade og at tilstrekkelig etterlevelse bare kan oppnås ved bruk av straff. I tillegg til vilkåret om at andre sanksjoner ikke er tilstrekkelige, må det stilles som vilkår at bruk av straff er hensiktsmessig. I det ligger at en handling bare bør kriminaliseres dersom nyttevirkningene er klart større enn skadevirkningene.»

Departementet meiner som Justisdepartementet, at sivilrettslege sanksjonar vil vere tilstrekkelege. Aktuelle sivilrettslege sanksjonar vil vere søksmål om erstatning eller tvangsfullbyrding. Når det gjeld tvangsfullbyrding foreslår departementet ein generell regel om dette i § 6-28, som viser til tvistelova §§ 19-13 til 19-16. Mellombelse reglar vil bli fastsett som jordskifteavgjerder, jf. lovforslaget § 6-23 fjerde ledd bokstav e. Jordskifteavgjerda er

ei avgjerd teken av ein norsk domstol og har tvangskraft etter tvangslova § 4-1, jf. tvistelova § 19-13.

## 15.2 Overgangs- og iverksetjingsreglar. Endringar i andre lover

### 15.2.1 Høyringsforslaget

Arbeidsgruppa fremjar ikkje forslag til overgangsreglar eller reglar om iverksetjing av lova.

### 15.2.2 Høyringsinstansane

*Domstoladministrasjonen* (DA) viser til at det saksbehandlingssystemet jordskifterettane bruker i dag er utidsmessig, og uttaler om føresetnadene for iverksetjing av ny lov:

«Dagens saksbehandlingssystem oppfyller ikkje kravene til IT-standarder, til journalføring og arkivering i offentlig sektor. Videreutvikling av dagens systemer etter gjeldende arkitekturprinsipper samt økt behov for samhandling med eksterne databaser er ingen farbar vei.

En forutsetning for ikrafttredelse av ny jordskiftelov, er derfor at nytt saksbehandlingsverktøy for jordskiftedomstolene må på plass senest samtidig med at ny lov trer i kraft. Dette er avgjørende for at domstolene skal være i stand til å møte ny lov på en slik måte at domstolen kan ha en effektiv og forsvarlig saksbehandling.

For å kunne realisere et nytt saksbehandlingsverktøy, må det tilføres nye midler. Det vil ta to år å utvikle og å få på plass nytt saksbehandlingssystem i jordskiftedomstolene. Det ble ikke stilt midler til disposisjon for dette i 2010. Dette innebærer at loven tidligst kan tre i kraft i 2013 under forutsetning at det stilles nødvendige midler til disposisjon i 2011.»

DA meiner i høyringsuttalen frå 2010 at kostnadene med nytt saksbehandlingssystem vil vere 8 mill. kroner i to år, totalt 16 mill. kroner. Deretter vil det vere behov for 2 millionar kroner i to år knytt til testing og opplæring, totalt 4 millionar kroner.

DA kjem med ei tilsvarende vurdering i ei utgreiing om administrative og økonomiske konsekvensar ved høyringsforslaget til ny rettsmidlordning.

### 15.2.3 Departementets vurderingar

#### 15.2.3.1 Overgangsreglar

##### *Saker til behandling i jordskifterettane*

Saker som er til behandling i jordskifterettane når den nye jordskiftelova tek til å gjelde, skal behandlast ferdig etter reglane i gjeldande jordskiftelov (1979-lova), jf. lovforslaget § 9-6. Med «er til behandling» er meint saker der det er fatta vedtak om at saka skal fremjast, og realitetsbehandlinga har teke til, jf. gjeldande lov § 14. Det same gjeld dersom realitetsbehandlinga har teke til, utan at det er fatta fremjingsvedtak. Dersom saka ikkje er komen lenger enn til skriftleg saksførebuing, innhenting av tilsvaret med vidare, har realitetsbehandlinga ikkje teke til. Saka er da ikkje «til behandling» i høve til overgangsreglane i § 9-6. Ein rekvi- rent som ikkje ønskjer kravet behandla etter den nye lova kan eventuelt trekkje kravet.

Fremmingsvedtaket er valt som skjeringspunkt fordi det vil innebere at overgangsperioden, der det blir behandla saker etter både ny og gammal lov, vil bli kortare. Saker der kravet har kome inn til retten før den nye lova tek til å gjelde, men saka ikkje er fremja, eller realitetsbehandlinga ikkje har teke til, skal altså behandlast etter ny lov. Gjeldande lov har ei tilsvarende ordning, jf. § 98: «*Har saksbehandlinga tatt til før denne tid, skal likevel reglane i den gamle loven gjelde for saksbehandlinga i vedkomande instans*». Etter denne føresegna blir saksbehandlinga rekna for å ha teke til når det er gjort vedtak om å fremje saka.

##### *Saker som er anka til jordskifteoverretten*

Departementet foreslår at ankeordninga skal tre i kraft utan overgangsperiode. Dette inneber at også anke som er innlevert før den nye lova tek til å gjelde, men som ikkje er ferdigbehandla og avgjort av jordskifteoverretten, skal behandlast ferdig av lagmannsretten som ankeinstans, og med lagmannsretten sett saman etter reglane i den nye jordskiftelova. Departementet meiner denne ordninga er nødvendig for å unngå å oppretthalde jordskifteoverrettane i fleire år etter at den nye lova er sett i verk. Reglane sikrar uansett overprøving av ein kompetent ankeinstans, både når det gjeld juridiske og jordskiftefaglege spørsmål. Forslaget inneber slik sett ikkje noko retts- tryggleiksproblem for partane.

Ein føresetnad for ordninga er at jordskifteoverrettane planlegg overgangen godt, og gir informasjon og rettleiing til partane om kva overgangen til ny lov vil innebere. Jordskifteoverrettane bør så langt det er mogleg ha ferdigbehandla alle



påbegynte saker før lova tek til å gjelde. Saker som ikkje er påbegynte kan utan problem overførast til lagmannsretten. Jordskifteoverretten bør ikkje starte realitetsbehandling av saker det ikkje er sannsynleg at han vil kunne slutføre før ny lov tek til å gjelde. Det er viktig at jordskifteoverretten i desse sakene har god kontakt med partane om problemstillinga.

Dersom det skulle vere att saker i overrettane som er påbegynte, men som ikkje er ferdigbehandla, skal også dei overførast til lagmannsretten. Lagmannsretten blir i slike høve sett saman etter reglane i den nye lova. Lova er ikkje til hinder for at lagmannsretten blir sett med den same overdommaren som i jordskifteoverretten og dei same meddommarane, dersom dette let seg gjere. Det er likevel ikkje nokon automatikk i at retten blir sett med dei same dommarane som i jordskifteoverretten. Det kan derfor bli nødvendig med såkalla reassumering av nokre saker, jf. tvistelova § 9-17 andre ledd, som er gitt verknad gjennom føresegna i lovforslaget § 6-1 andre ledd bokstav d. Med god planlegging vil det truleg bli svært få saker, om nokon i det heile, som må reassume-rast.

Departementet legg til grunn at saker som etter gjeldande lov skal ankast til lagmannsretten ikkje vil skape spesielle problem. Lovforslaget § 9-6 er ikkje til hinder for at samansetjinga av lagmannsretten blir som før, jf. lovforslaget § 8-7 første ledd.

I saker der det er anka til lagmannsretten og subsidiært til jordskifteoverretten, kan anke etter § 8-1 sjetle ledd behandlast som ei sak for lagmannsretten. Dette blir avgjort av førstelagmannen. I slike høve skal førstelagmannen etter § 8-7 tredje ledd fastsetje samansetjinga av retten. Lova er såleis ikkje til hinder for at ny løysing med felles behandling av dei to ankane, men retten bør bruke moglegheita med varsemnd og høyre partane.

Når ny lov tek til å gjelde skal handlinga av ankesakene følgje saksbehandlingsreglane i den nye lova, medan reglane i gjeldande lov (1979-lova) skal leggjast til grunn av lagmannsretten når han prøver saksbehandlingsfeil og materielle tilhøve som er påanka.

### 15.2.3.2 Iverksetjingsreglar

Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen bestemmer. Den gamle jordskiftelova held opp å gjelde frå same tid, med atterhald for dei overgangsreglane som nemnde ovanfor.

Tida frå lovvedtak og fram til iverksetjinga må bli noko lenger enn det som er vanleg. Viktige administrative tilhøve må på plass før lova kan ta til å gjelde.

### 15.2.3.3 Endringar i andre lover

Frå den tida den nye jordskiftelova tek til å gjelde, tek det òg til å gjelde endringar i ei rekkje andre lover. Dette gjeld:

- Domstollova
- Oreigningslova
- Lov om grannegjerde
- Beitelova
- Veglova
- Forvaltningslova
- Servituttlova
- Odelslova
- Fjellova
- Dokumentsavgiftslova
- Rettsgebyrlova
- Lakse- og innlandsfiskelova
- Bygdeallmenningsslova
- Statsallmenningsslova
- Jordlova
- Skattelova
- Vannressurslova
- Straffelova
- Finnmarkslova
- Matrikkellova
- Reindrifftslova
- Plan- og bygningslova
- Vergemålslova

Innhaldet i endringane er omtalt på ulike plassar i proposisjonen, og i kapittel 17 Spesialmerknader til lovforslaget.

## 16 Økonomiske og administrative følgjer av lovforslaget

### 16.1 Innleiing

Formålet med ny jordskiftelov er å leggje til rette for effektiv og rasjonell utnytting av fast eigedom og ressursar til beste for eigarane, rettshavarane og samfunnet. Dette skal skje ved at jordskifteretten bøter på utenlege eigedoms- og brukstilhøve, klarlegg og fastset grenser og rettar, og behandlar skjønn og andre avgjerder på ein forsvarleg måte.

Departementet meiner at jordskifteretten og jordskiftelova tener desse formåla i dag. Endringsforslaga i lova tek sikte på at ei enklare og meir moderne lov som skal føre til at måloppnåinga knytt til verdiskaping og arealbruk blir betre. Dei økonomiske og administrative følgjene av lovforslaget må sjåast i lys av dette.

Ansvar for jordskiftelova høyrer inn under Landbruks- og matdepartementet, medan ansvaret for jordskifterettane og jordskifteoverrettane høyrer under Justisdepartementet. Dei økonomiske og administrative konsekvensane for drift av domstolane ligg under Justisdepartementet.

Departementet viser til at den nye jordskiftelova er utarbeidd etter ein omfattande prosess, sjå omtale av dette i kapittel 2.2. Fleire av høyringsinstansane har uttala seg om dei økonomiske og administrative konsekvensane. Domstoladministrasjonen har mellom anna gjort grundig greie for omstillingskostnader og varige kostnader i lagmannsrettane knytt til ny rettsmiddelordning, greia ut om endringar i gebyr, sakstilgang, saksbehandlingssystem, personale og organisatoriske løysingar.

### 16.2 Betre rettstryggleik

Rettstryggleik er ein føresetnad for eit samfunn av vår type. Ei endring av lovgrunnlaget for ein domstol må alltid ha for auge at rettstryggleiken blir teken vare på, og helst betra. Forslaga til klarare skilje mellom materielle og prosessuelle reglar, ny ankeordning og mindre detaljerte reglar som gjer det lettare for sjølvprosederande partar å forstå kva som skjer i jordskiftesaka, er eksempel på at lovforslaget bidrar til auka rettstryggleik. Depar-

tementet viser òg til at samanslåinga av jordskifteoverrettane og lagmannsrettane er ein kvalitetsreform innanfor rettspleia som aukar rettstryggleiken for partar som brukar jordskiftelova.

I mange saker blir det i dag anka samstundes både til lagmannsretten og til jordskifteoverretten. Anke til lagmannsretten blir da behandla først, og dei jordskiftedefaglege spørsmåla blir behandla av jordskifteoverretten etterpå. Deretter er det mogleg å anke over avgjerda i jordskifteoverretten til lagmannsretten på nytt. Av om lag 50 saker som blir behandla i jordskifteoverretten kvart år, blir ei handfull saker anka til lagmannsretten. Når saka ikkje lenger blir behandla to gonger blir kostnadene ved ankebehandlinga redusert både for samfunnet og partane. Forslaget om at all anke skal gå til lagmannsretten fører til at partane ikkje lenger risikerer å li rettstap som følgje av at dei ankar til feil ankeinstans; det er nok å anke til lagmannsretten. Løysinga gir såleis betre rettstryggleik. Forslaget kan òg redusere kostnadene både for partane og for samfunnet fordi saka ikkje behandlast av fleire ankeinstansar.

Ved avgjerd av tiltaks- og vernejordskifte kan det etter gjeldande jordskiftelov ikkje ankast over jordskiftedelen. Forslaget om at lagmannsretten skal setjast saman på ulikt vis avhengig av kva det er anka over opnar for at også denne delen kan ankast. Dette gir betre rettstryggleik.

Lovforslaget inneheld òg reglar som opnar for ein samansetjing av lagmannsretten slik at fagkompetansen er betre tilpassa kva det kan ankast over enn noverande delte løysing. Dette legg til rette for betre faglege avgjerder og dermed betre rettstryggleik.

Det er vanleg at partane er sjølvprosederande i jordskifteretten. Forslaget om å gjere lova enklare å bruke kan gjere det lettare å vere sjølvprosederande slik at partane sparar advokatutgifter. Bruk av advokat kan koste svært mykje for kvart rettsmøte. Forslaget i kapittel 13.5.2 om eit tak for å dekkje advokatkostnader ved tvist med tvistesum under 125 000 kroner kan òg føre til reduserte advokatkostnader for partane.

Forslaget i kapittel 6.5 om å endre reglane om kven som kan krevje sak i urbane område kan

spare partane for mykje arbeid med å skipe nødvendig semje i forkant av ei slik jordskiftesak.

### **16.3 Auka verdiskaping og betre arealbruksløyningar**

Jordskifte skal etter lovforslaget § 3-3 føre til at eigedomstilhøva i jordskifteområdet samla sett blir meir tenlege. Dette kan slå ut på ulike måtar. Blir eigedommane meir tenlege, kan det for eksempel føre til reduserte kostnader ved drift av landbrukseigedom. Verdiskaping for partane, som fører til auke i avkasting, inneber òg verdiskaping for samfunnet. Mellom anna vil auka avkasting frå eigedommane kunne gi auka skatteinngang.

Forslaget i kapittel 6.5 om å endre reglane om kven som kan krevje sak saman med forslaget i kapittel 8.29 om at jordskifte i urbane område også på andre punkt følgjer reglane om jordskifte fullt ut, legg til rette for betre arealutnytting også i urbane område, fordi jordskifteretten kan bøte på ulempene i området uavhengig av eigedomsgrenser. Klarare reglar om fordeling av planskapt netto verdiauke kan gjere det lettare for kommunane å få gjennomført vedtekne planar, sjå forslag om dette i kapittel 8.29. Dette kan igjen føre til at eigedomsstrukturen i urbane område blir betre tilpassa til ny arealbruk. Arealbruken kan òg bli meir effektiv og klimavennleg. Forslaga kan òg føre til at behovet for å byggje ned dyrka og dyrkbar jord i urbane område blir mindre. Ofte ligg dei urbane pressområda i gode jordbruksområde, slik at det er særleg god jord som på denne måten kan bli betre skjerma mot nedbygging.

### **16.4 Enklare regelverk og enklare behandling i domstolane**

Ei lettare tilgjengeleg jordskiftelov er eit gode for alle som bruker jordskiftelova. Det er mange sjølvprosederande partar blant brukarane. Ei enklare ankeordning vil føre til færre saker for rettsapparatet fordi anke ikkje skal behandlast to stader. Dei to ankedomstolane slepp òg å behandle spørsmålet om kva for organ som er rett ankeinstans. Når vedtaket om fremjing fell bort, reglane om saksbehandlinga liknar meir på tvistelova og småkravprosessstankegangen blir introdusert i saker for jordskifteretten, vil samfunnet få meir att for ressursane som setjast inn i jordskiftedomstolane.

### **16.5 Oppgåvefordeling mellom domstolane, lensmennene med meir**

Klar rollefordeling og tenleg arbeidsdeling mellom offentlege instansar gir publikum mindre tvil om kva som er rett instans og det gir større tryggleik for at kvar instans utviklar god kompetanse på sine oppgåver. Klar rollefordeling kan òg redusere risiko for intern strid mellom instansane om oppgåver og ressursar i overlappande område. Jordskiftedomstolane er særdomstolar som arbeider med utforming av fast eigedom, grenser, bruksrettar og visse skjønn knytt til slik eigedom.

I lovforslaget tek departementet sikte på å rydde i arbeidsoppgåver for å oppnå betre utnytting av spesialfortrinna jordskifterettane har i høve til dei vanlege domstolane og i høve til lensmenn og andre. Lovforslaget legg til rette for ei rollefordeling der lensmennene ikkje lenger skal halde ei rekkje skjønn. Spørsmål som dette er drøfta i kapittel 11.3 som gjeld parallell kompetanse.

Departementet har elles merka seg at tre jordskifterettar no er lokaliserte saman med tre tingrettar, og at det arbeidast med slik lokalisering for fleire jordskifterettar. Det vil i seg sjølv kunne føre til at både tingrett og jordskifterett i praksis blir betre i stand til å rettleie det rettssøkjande publikum om kva for domstol som best kan handtere saka.

### **16.6 Andre konsekvensar**

Reglane om jordskifte i lovforslaget kapittel 3 legg til rette for at eigedoms- og bruksrettsstruktur gjennom jordskifte kan tilpassast dei behova eigarane og brukarane har. Dette legg til rette for ein bruk som òg kan tene næringslivet anten det er snakk om landbruksdrift eller anna verksemd. Rettsutgreiing og grensefastsetjing etter lovforslaget kapittel 4 tek bort tvil om eigedomstilhøve som kan vere til hinder for næringsaktivitet. Betre arrondering av eigedommar og meir effektiv arealbruk legg elles til rette for mindre transport og redusert bruk av drivstoff med mindre forureining. Vernejordskifte – særleg om vernemyndigheita tilbyr tilleggsjord – kan redusere negative følgjer for dei som blir råka av vernet. Slik sett kan jordskifte lette iverksetjing av nødvendige verneiltak til beste for eit godt miljø.

I kapittel 11.4.3 foreslår departementet å ta bort den stadlege avgrensinga av kompetansen jordskifteretten har. Dette oppnar for at jordskifte-

retten i større grad enn i dag kan vere skjønnsrett i urbane område.

Likestillingsomsyn er teke vare på ved at det etter lovforslaget § 2-5 skal nemnast opp jordskifte-meddommarar av begge kjønn, og like mange frå kvart kjønn. Lovforslaget har ikkje konsekvensar for likestilling mellom kjønna for dei som er partar i saker for jordskifteretten. Det er heller ikkje noko i lovforslaget som kan ha negativ verknad for personar med nedsett funksjonsevne.

## 16.7 Direkte og indirekte økonomiske konsekvensar

### 16.7.1 Ny rettsmiddelordning

Ny rettsmiddelordning, jf. lovforslaget kapittel 8, fører til omstillingskostnader i lagmannsretten. Med grunnlag i berekningar frå Domstoladministrasjonen (DA) legg departementet til grunn at eingangskostnadene vil vere om lag 5,5–6,0 millionar kroner. For dei neste tre åra har DA lagt til grunn ein auke i kostnadene på 9 millionar kroner årleg.

### 16.7.2 Kostnader til kompetansetiltak

Departementet legg til grunn at det er nødvendig med gode kompetansetiltak i samband med iverksetjing av lova. Med grunnlag i berekningar frå DA legg departementet til grunn at kompetansetiltaka vil ha ein eingangskostnad på om lag 8,0 millionar kroner, fordelt over to år.

### 16.7.3 Auka gebyrinntekter

Departementet meiner at det framleis skal vere eit partsgebyr, og at dette partsgebyret skal aukast frå 1,8 til 2 gonger rettsgebyret for kvar part. Med om lag 10.000 partar kvart år og med utgangspunkt i gjeldande rettsgebyr på 860,- kroner, har departementet berekna den årlege inntektsauken til 1,7 millionar kroner.

DA legg i sin uttale til grunn at ny jordskiftelov legg til rette for at det kan bli fleire jordskiftesaker enn før, og at dette òg vil føre til ein auke i gebyrinntektene. Departementet er samd i denne vurderinga. Forslaga om å fjerne vilkåret om stadleg kompetanse kan føre til at jordskifterettane vil få nokre fleire skjønn. Forslaget om at jordskifteretten skal ha einekompetanse ved avgjerd etter servitutlova gjer at jordskifterettane kan få nokre fleire slike saker. Endra vilkår for å reise sak om jordskifte i urbane område, kan òg føre til at det blir nokre fleire slike saker. Det er ikkje mogleg å

gi nærare overslag over kor stor auken i saksmengd kan kome til å bli.

Overgangen til einedommar som hovudregel vil føre til at nokre fleire saker går utan jordskifte-meddommarar. Jordskifteretten i Eidsivating jordskiftedømme har opplyst til departementet at ein realistisk må rekne med at partane med gjeldande reglar må dekkje mellom 2.500 kroner til 3.000 kroner for kvar dag med rettsmøte. Forslaget sparar partane for eit beløp tilsvarende dette.

### 16.7.4 Andre spørsmål

Lovforslaget legg opp til at jordskifteoverretten skal bli ein del av lagmannsretten, og at det skal vere ein jordskiftelagdommar i kvar lagmannsrett. Det betyr at det blir nokre fleire jordskiftelagdommarar og teknisk personale enn det er jordskifteoverdommarar i dag.

Lovforslaget kapittel 8 fører vidare til at lagmannsretten skal behandle anke, som etter gjeldande jordskiftelov går til jordskifteoverrettane. Departementet legg til grunn at saksbehandlings-systemet i lagmannsretten må tilpassast om lag 50 nye ankesaker per år.

Forslaget til endring av ankeløysing kan samstundes føre til ei innsparing for lagmannsrettane. Tilføring av dommarårsverk til lagmannsrettane vil auke kapasiteten i lagmannsrettane. Den nye ankeinstansen kan òg bli meir effektiv enn gjeldande løysing med eigne jordskifteoverrettar. Grunnen til det er at det er meir effektivt å arbeide i større einingar enn det gjeldande jordskifteoverrettar er. Departementet har ikkje haldepunkt for å vurdere kor stor effektiviseringsgevinst eller kor store innsparingar som endringane legg til rette for. Departementet legg likevel til grunn at dei samla meirkostnadane ved å setje i verk ny ankeløysing vil vere av avgrensa omfang.

Det er generelt eit behov for utvikling av saksbehandlingsløysingane i domstolane, under dette felles løysingar for elektronisk samhandling og kommunikasjon. Både Høgsterett og jordskiftedomstolane bruker i dag løysingar som er utvikla på 1990-talet. Det er òg behov for å oppgradere saksbehandlingsløysingane i tingrettane og lagmannsrettane. Spørsmålet om utvikling av ein ny felles plattform for saksbehandlingssystema i domstolane blir handtert av Justis- og beredskapsdepartementet, som har ansvar for drift av domstolane. Behovet for oppgradering av saksbehandlingssystemet er til stades uavhengig av om det kjem ny jordskiftelov eller ikkje. Landbruks- og matdepartementet vil peike på at behovet for oppgradering er tilhøve som gjer at det ikkje er tenleg

å inkorporere ny jordskiftelov i det gamle saksbehandlingssystemet. Kostnadene til nytt saksbehandlingssystem er berekna til 22,5 millionar kroner fordelt over 2 år.

Departementet er merksam på at det er store restansar i saksmengda for jordskifterettane. I ein rapport utarbeidd i 2012 av Domstoladministrasjonen, om framtidig organisering og struktur i jordskiftedomstolane, er det vist til at gjennomsnittsalderen for dei avslutta sakene i 2011 var på 1,7 år, og at gjennomsnitt ventetid, det vil seie tida frå ei sak blei kravd til han blei teken opp til behandling, var på 0,8 år. Det er uttalt i rapporten at beholdninga av saker framleis er så stor at det vil ta mange år før restansane kjem ned på eit tilfredstillande nivå. DA arbeider med å byggje ned restansane.

Det er lagt til grunn i lovforslaget § 9-6 at saker som er til behandling i jordskifterettane når ny lov tek til å gjelde, skal behandlast etter gjeldande jordskiftelov. Jordskifterettane må såleis i ein overgang handtere saker etter både ny og gamal lov. Med mindre restansar vil denne perioden bli kortare. Dette vil vere ein fordel for brukarane av jordskifterettane, og det vil bli enklare og truleg også mindre kostnadskrevjande å ta i bruk ny jordskiftelov. Kostnadene til restansenedarbeiding er berekna til 8 millionar kroner fordelt på tre år.

## 16.8 Samla vurdering av direkte og indirekte økonomiske konsekvensar

---

Ny jordskiftelov skal leggje til rette for effektiv og rasjonell utnytting av fast eigedom og ressursar til beste for eigarane, rettshavarane og samfunnet. Lova bidrar til modernisering og forenkling i saksbehandlinga, og har ei rekkje positive verknader for samfunnet og partane i jordskiftesaker.

Den nye lova inneber omstilling i lagmannsrett. Det er vidare nødvendig å sette i verk kompetansetiltak. Samla sett er eingongskostnadene til ny jordskiftelov vurdert til om lag 14 millionar kroner over ein periode på to år.

Ut over dette vil tiltak i den ordinære drifta av domstolane, som dommarløn, nytt saksbehandlingssystem og restansenedarbeiding vere viktige bidrag til ein effektiv lovforvaltning i framtida. Kostnadspostene går fram av kapittel 16.7.1 og 16.7.4.

Departementet viser til at det er berekna auka gebyrinntekter på 1,7 millionar kroner.

Eingongskostnadene som følgjer av ny jordskiftelov, og kostnadene til lønn og ordinær drift av domstolane inkludert jordskifterettane, må innpassast innanfor dei årlege budsjetttrammene for verksemda i jordskifterettane.

## 17 Spesialmerknader til lovforslaget

*Til kapittel 1 Formål, verkeområde, definisjonar, saksinnhald og sakstilknytning*

*Til I Formål, verkeområde og definisjonar*

*Til § 1-1 Formålet med lova*

Gjeldande jordskiftelov har ikkje eksplisitte reglar om formålet med lova. Dette blir endra med lovforslaget. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 6.2.3.

*Første ledd* i lovforslaget slår fast det som er hovudsiktemålet med lova. Lova skal leggje til rette for effektiv og rasjonell utnytting av fast eigedom og ressursar. Det skal skje gjennom endring av utenlege eigedoms- og brukstilhøve, klargjerjing og fastsetjing av grenser og rettar, og behandling av skjønn og andre avgjerder etter denne og andre lover. Dei konkrete verkemidla jordskifterettane kan gjere bruk av når det gjeld endring, utgreiing og fastsetjing, er regulert i kapitla 3 (jordskifte) og 4 (rettsutgreiing og grensefastsetjing med meir). I kapittel 5 og i særlovene, er det gitt reglar om kva for skjønn og andre avgjerder jordskifteretten kan behandle.

Lova har særleg fokus på den privatrettslege og privatøkonomiske nytten av at ein løyer problem og bøter på utenlege tilhøve knytt til utnytting av fast eigedom og rettar. Jordskifteordninga har òg ein samfunnsøkonomisk nytteverdi, ved at det som er nyttig for eigarar og brukarar til vanleg vil vere nyttig for samfunnet. Denne nytteverdien er stor, men følgjer meir indirekte av verksemda.

*Andre ledd* gjer greie for kva for grunnleggjande prinsipp som gjeld for saksbehandlinga i jordskifteretten. Formålet synleggjer at sakene behandlast av ein domstol, og at prinsippa for saksbehandlinga er dei same som for sivile rettsaker elles.

*Til § 1-2 Verkeområde for lova m.m.*

Paragrafen regulerer det geografiske verkeområdet til lova. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 6.3.3.

*Av første ledd* følgjer det at lova gjeld for fast eigedom og rettar over fast eigedom, vassdrag og

sjø i heile landet, om ikkje anna er fastsett i denne eller andre lover. Lova gjeld for alle eigedommar og rettar utan omsyn til kor eigedommane ligg, kva for type eigedom det er, eller kva for planstatus eigedommane har. Denne avgrensinga av verkeområdet fører vidare den avgrensinga som ein finn i gjeldande jordskiftelov § 1 a.

Reguleringane til offentlege myndigheiter, planar og vedtak må på den andre sida leggjast til grunn av jordskifteretten som ein premiss for bruken av verkemidla i jordskiftelova. Retten kan ikkje endre planstatus på eigen hand i ei jordskiftesak, men må leggje gjeldande planstatus til grunn for jordskifteløysinga. Retten kan på den andre sida ta endringar i regulering og planar opp med planmyndigheita, om retten meiner at endringar kan bidra til å finne ei god jordskifteløysing.

Vassdrag og sjø er nemnt i første ledd for å gi lova det same dekningsområdet som matrikkellova, sjå denne lova § 2 der verkeområdet er omtalt slik: «Lova gjeld for heile landet. For sjøområda gjeld lova til ei nautisk mil utanfor grunnlinjene.»

Vassdraga går elles inn under verkeområdet til lova på den måten at endringar i eigartilhøve til grunnen gjennom jordskifte får verknad òg for eigartilhøvet til vassdrag og grunnvatn. Eigartilhøvet til vassdrag og grunnvatn er regulert i vannressurslova §§ 13 og 44.

Av første ledd følgjer det òg at «andre lover» heilt eller delvis kan gjere unntak frå utgangspunktet i jordskiftelova. Kva for eigedommar det i tilfelle er snakk om, og kva for unntak og avgrensingar som gjeld, går fram av vedkommande lov. Eksempel på slike lovbestemte unntak er lov 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenningar og lov 19. juni 1992 nr. 60 om skogsdrift m.v. i statsallmenningene. Desse lovene avgrensar kva for verkemiddel i jordskifte som kan brukast i allmenningar, sjå bygdeallmenningslova § 1-4 og statsallmenningslova § 4-2. I lov 17. juni 2005 nr. 85 om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressursar i Finnmark fylke (finnmarksloven) er det gitt reglar om at saker som høyrer under utmarksdomstolen ikkje kan bringast inn for jordskifteretten eller dei allminnelege domstolane, med min-

dre utmarksdomstolen har avvist saka, eller søksmålsfristen er ute, og så vidare.

*Andre ledd* seier at Kongen kan fastsetje at lova skal gjelde heilt eller delvis for Svalbard eller Jan Mayen. Matrikkelen er innført på Svalbard, og etter kvart skal òg andre delar av matrikkellova gjerast gjeldande der. Det vil da vere hensiktsmessig å ha ein heimel for Kongen til å gi forskrifter om at òg jordskiftelova skal gjelde. Heimelen gjer det mogleg for Kongen å gjere særlege tilpassingar etter tilhøva på staden.

Av *tredje ledd* går det fram at lova skal gjelde med dei avgrensingane som følgjer av folkeretten eller av avtale med framand stat. Regelen har same innhald som tvistelova § 1-2. Tilhøvet til folkeretten er av meir perifer betydning i jordskiftelova, men departementet meiner det bør nemnast likevel.

#### Til § 1-3 Definisjonar

Paragrafen definerer viktige jordskiftefaglege omgrep som blir brukte i den nye jordskiftelova, og som det er eit særleg behov for å klargjere, sjå nærare om dette i kapittel 6.4.

a) *Jordskifteområdet*: er det geografiske området saka gjeld og som retten skal avgrense etter § 6-9. Omgrepet kjem i staden for omgrepet «skiftetfeltet», som blir brukt mange stader i gjeldande jordskiftelov. I «jordskifteområdet» kan saker gjelde alt frå tradisjonell ny utforming av teigar til nye bruksreglar. «Jordskifteområdet» skal ha same innhald som «skiftetfeltet».

b) *Tiltaksjordskifte*: er ein bestemt type jordskifte som følgje av iverksetjing av offentlege eller private tiltak, jf. § 3-2 første ledd andre punktum. Eksempel på tiltak kan vere bygging, utbetring, vedlikehald, drift og nedlegging av anlegg. Omgrepet er nytt i lovforslaget, men det er vel etablert i praksis som kortnamnet på jordskifte som fyller vilkåra i gjeldande jordskiftelov § 1 andre ledd bokstav a.

c) *Vernejordskifte*: er jordskifte som følgjer av offentlig regulering av eigarrådvelde jf. § 3-2 første ledd tredje punktum. Omgrepet er nytt i lovforslaget, men òg dette omgrepet er etter måten vel etablert som kortnamn på jordskifte som fyller vilkåra etter gjeldande jordskiftelov § 1 andre ledd bokstav b.

#### Til II Saksinnhald og sakstilknytning

##### Til § 1-4 Kva det kan reisast sak om for jordskifteretten

Lovforslaget kapittel 1 del II (§§ 1-4 og 1-5) har reglar om kva det kan reisast sak om og kven som kan reise slik sak. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 6.5.

§ 1-4 *bokstavane a til d* gir ei oversikt over kva det kan reisast sak om for jordskifteretten. Det kan reisast sak som gjeld endring i eigedoms- og rettstilhøve for å skape meir tenlege tilhøve (jordskifte), fastsetjing av eigedomstilhøve og rettar (rettsutgreiing), fastsetjing av grenser, og skjønn og andre avgjerder etter andre lover etter kapittel 5 og etter reglane i særlovene.

Dei nærare reglane om jordskifte, rettsutgreiing, grensefastsetjing, og skjønn og andre avgjerder etter andre lover går fram av kapitla 3 til 5 i lovforslaget. Paragraf 1-4 er derfor av opplysende karakter for lesaren av lova.

Det kan ikkje reisast krav for jordskifteretten om anna enn det som er positivt lovheimla. Ut over det som er heimla i jordskiftelova, følgjer kompetanse for jordskifteretten av ei rekkje andre lover, som reindriftslova, veglova, gjerdelova, beitelova, lov um særlege råderettar over framand eigedom (servituttløva) med fleire.

Partane skal gjere greie for kva dei vil oppnå med kravet om sak, eller kva for problem dei har, sjå lovforslaget § 6-2. Ut over dette er det ikkje krav til godtgjering av «reelt behov» for å få avgjort eit krav for jordskifteretten.

##### Til § 1-5 Kven som kan reise sak

Paragrafen regulerer spørsmålet om kven som kan reise sak etter jordskiftelova. Paragrafen avløyser dei tilsvarende reglane i gjeldande jordskiftelov §§ 5, 88 og 88 a.

Etter *første ledd* kan krav om sak setjast fram av den som eig fast eigedom (under dette rettar som er særskilt matrikulerte), eller som har rett knytt til fast eigedom eller som er festar. Dette gjeld for alle typar av saker etter lova. Inn under omgrepet «fast eigedom» skal reknast òg eigarleksjonar.

Formuleringa «eigar av særskilt registrert grunneigedom» i gjeldande jordskiftelov, blir ikkje ført vidare i den nye jordskiftelova. Eigarar av grunn som av ulike grunnar ikkje er matrikulert eller registrert, kan òg krevje sak. Etter lovforslaget er det alltid nok at ein eigar eller ein rettshavar krev sak. Eigarar av andre eigedommar i området treng ikkje samtykkje i sakskravet.

Når det gjeld deling av eigedom etter lovforslaget § 3-7, er det ikkje eit vilkår at den som krev sak eig eigdommen fullt ut. For eksempel kan A, B og C ha kjøpt ein eigedom og utarbeidd kjøpe-

kontrakt på eigedommen saman. Dei har såleis foreløpig ikkje full eigedomsrett til eigedommen. Eit anna eksempel er at A, B og C har fått skøyte på eigedommen og blitt sameigarar i eigedommen. Lovforslaget § 3-7 inneber at jordskifteretten kan dele opp eigedommen i begge dei nemnde tilfella. Det er ikkje noko krav om at eigedommen skal seljast til privatpersonar. Selskap eller annan juridisk person kan òg stå som overtakar. Lovforslaget inneber at ein her skal sjå kjøparane som eigarar av kvar sin ideelle del av eigedommen, sjølv om overskøytinga ikkje har skjedd. Eigedomsmessig er tilleggsjorda da å sjå på som eit nytt sameige som ligg til eigedommane som kjøparane har frå før, sjølv om frådelinga og overskøytinga ikkje har skjedd. Jordskifteretten kan såleis utforme eigedommen til kjøparen som om tilleggsjorda formelt sett allereie er ein del av eigedommen.

Er det fleire eigarar til ein eigedom, kan kvar av dei krevje sak. Sameigarar er ikkje avhengige av eit fleirtalsvedtak for å kunne reise sak for jordskifteretten. Spørsmålet om det eigentleg ligg føre eigedomsrett (eller bruksrett og så vidare) som gir rett til å krevje sak, kan retten avgjere prejudisielt.

Gjeldande jordskiftelov § 5 andre ledd regulerer kven som kan krevje fordeling av planskapt netto verdiauke for jordskifteretten. Hovudregelen er at alle grunneigarane må vere samde. Dersom det er fastsett vilkår om fordeling i medhald av plan- og bygningslova § 11-8 bokstav e eller § 12-7 nr. 13, er det nok med to tredels fleirtal blant eigarane. Det krevjast at dei eig minst to tredelar av det areal som omfattar område for bygging og anlegg, saman med areal som i samsvar med plan etter plan- og bygningslova skal nyttast til sams tiltak som skal tene området som er lagt ut til bygging og anlegg. Departementet fører ikkje desse kravsreglane vidare i ny jordskiftelov, sjå omtale av dette i kapittel 6.5.3.

*Andre ledd første punktum* seier kven som kan krevje jordskifte i dei høve som § 3-8 fjerde ledd og § 3-9 andre ledd nemner, i område med reindrift etter reindriftslova. Dette er distriktsstyret, jf. reindriftslova § 43, siidastyret, jf. reindriftslova § 52, og leiar av siidaandel, jf. reindriftslova § 10. Bakgrunnen for dette er det gjort nærare greie for i kapittel 6.5.3. *Andre ledd andre punktum* seier at det same gjeld ved krav om rettsutgreiing etter § 4-1 og grensefastsetjing etter § 4-2.

Etter *tredje ledd* kan offentleg styresmakt og andre tiltakshavarar med heimel til å ekspropriere til tiltak og anlegg, krevje jordskifte etter kapittel 3 i lova. I høve til gjeldande jordskiftelov er det nytt

at andre tiltakshavarar kjem på line med offentleg styresmakt når det gjeld å kunne krevje jordskifte. Det er likevel ein føresetnad etter lovforslaget at det ligg føre ein heimel til å krevje ekspropriasjon. Tiltakshavar vil på denne måten òg kunne velje mellom ekspropriasjon og jordskifte.

Etter *fjerde ledd* kan offentleg styresmakt med heimel til å regulere eigarrådvelde, for eksempel med heimel til å vedta vern, krevje jordskifte etter kapittel 3 og sak om grensefastsetjing etter § 4-2. Som grunneigar vil det offentlege ha same rett som andre til å krevje sak for jordskifteretten. Dersom offentlege organ meiner det er nødvendig med jordskifte, kan dei erverve ein eigedom i det aktuelle området og krevje sak som grunneigar. Det kan òg stillast som vilkår for tilskott at det krevjast jordskifte.

*Femte ledd* seier at ein ikkje kan skrive frå seg retten til å krevje sak etter jordskiftelova. Regelen avløyser gjeldande jordskiftelov § 5 siste ledd. Finn retten at ei avtale om ikkje å reise sak hindrar eit tenleg jordskifte, treng retten ikkje ta omsyn til avtalen. Dersom avtalen regulerer meir enn berre spørsmålet om å ikkje krevje sak, må retten ta omsyn til kva som er avtala.

#### *Til kapittel 2 Jordskifterettane*

Kapitlet inneheld reglar om organiseringa av jordskifterettane. Reglane om organiseringa av ankeinstansen finn ein i reglane i domstollova om lagmannsretten.

Kapitlet er delt i I Organisering av jordskifterettane og II Samansetjinga av jordskifteretten i ulike slags saker og lovnad frå jordskiftemeddommar med meir.

#### *Til I Organisering av jordskifterettane*

Denne delen av kapitlet omhandlar organisatoriske reglar.

#### *Til § 2-1 Jordskiftesokn (verneting)*

Paragrafen fører vidare føresegna i gjeldande jordskiftelov § 7 første ledd om inndeling i jordskiftesokn. Domstollova § 22 har ein tilsvarande regel som gjeld for tingrettane. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 7.2.3.

#### *Til § 2-2 Tilhøvet til domstolloven*

Paragrafen er ny i jordskiftelova. Innhaldet følgjer òg av domstollova § 2 første ledd nr. 1. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 7.3.3.



*Til § 2-3 Bemanning*

Grunngivinga for reglane om bemanning går fram av kapittel 7.4.

*Første ledd* seier at jordskifteretten skal ha ein jordskifterettsleiar som òg er jordskiftedommar. Første ledd sier òg at jordskifteretten skal ha så mange dommarar som til kvar tid er bestemt. Den direkte lovfestinga av at det berre er jordskiftedommarar som kan vere jordskifterettsleiar er ny i jordskiftelova. Jordskifterettsleiaren er leiar av jordskifteretten slik som sorenskrivaren er leiar av tingretten.

*Andre ledd første punktum* seier at jordskifteretten skal ha teknisk personale. Teknisk personale er tilsette som arbeider med kart, landmåling, koordinatfesting av grenser med meir, datainnsamling av mange slag, utarbeiding av forslag til jordskifteløysing og anna saksrelatert arbeid. Teknisk personale kan òg vere rettsmeklar. Å lovfeste at det skal vere teknisk personale, er nytt. Etter *andre ledd andre punktum* gjeld reglane om når nokon er ugild etter domstollova kapittel 6 så langt dei høver for teknisk personale. *Andre ledd tredje og fjerde punktum* fastset at det vil vere opp til Domstoladministrasjonen (DA) å organisere ordninga med landskonsulentar for jordskifterettane, sjå nærare om dette i kapittel 7.4.5.3.

*Tredje ledd* innfører ei ordning med jordskiftedommarfullmektigar. Løysinga liknar ordninga med dommarfullmektigar ved tingrettane. Løysinga må sjåast i samanheng med endringsforslaga til domstollova § 55 g og h. Tredje ledd første punktum seier jordskifteretten kan ha minst ein jordskiftedommarfullmektig. Jordskiftedommarfullmektigen gjer sine dommaroppgåver på vegner av jordskiftedommaren. Tredje ledd kjem i staden for reglane i gjeldande jordskiftelov § 7 fjerde ledd om jordskifte kandidat med allment løyve. Tittelen jordskiftedommarfullmektig er ny. Ein jordskiftedommarfullmektig er ein midlertidig tilsett dommar som må ha særskilt fullmakt for å gjere dommararbeidet.

Domstoladministrasjonen (DA) kan fastsetje forskrift om tildeling av myndigheit til jordskiftedommarfullmektigen. Konkret er det anten Domstoladministrasjonen (DA) eller jordskifterettsleiaren som må gi jordskiftedommarfullmektigen løyve til å opptre som dommar.

*Fjerde ledd* opnar for å tilkalle jordskiftedommarar frå ein annan jordskifterett. Tilkalling fører til at den tilkalla jordskiftedommaren styrer den eller dei sakene det gjeld. Regelen kjem i staden for gjeldande jordskiftelov § 7 andre ledd andre punktum om jordskiftedommar utan fast teneste-

krins og oppnemning av jordskiftedommar til å styre ei enkelt sak. Desse to ordningane blir ikkje ført vidare.

Etter domstollova § 19 andre ledd kan jordskifterettsleiaren berre tilkalle jordskiftedommar som er viljug til å gjere teneste ved ein annan jordskifterett. Jordskifterettsleiaren kan òg be lagmannsretten om å foreta slik tilkalling. Lagmannsretten er ikkje avhengig av at den tilkalla jordskiftedommaren er viljug til å gjere teneste ved annan jordskifterett.

*Til § 2-4 Utdanningskrav*

Jordskiftelagdommar, jordskiftedommar og jordskiftedommarfullmektig må ha jordskiftefagleg utdanning på mastergradnivå med fagkrins fastsett av departementet. Omtalen av forslaget går fram av kapittel 7.5.2.3.

Omgrepet «jordskiftefagleg utdanning» inneber at den som skal tilsetjast som dommar må ha utdanning innan eigedomsfag, rettstil høva til fast eigedom og planlegging med tilhøyrande grunnfag. Utdanninga må liggje på mastergradnivå.

Det er ikkje meininga å gjere nemnande endringar i krava til dei grunnleggjande komponentane i utdanninga, eller i kravet til utdanningsnivå. Jordskifte kandidat som er utdanna før ordninga med mastergrad blei innført, har den høgaste utdanning under doktorgrad. Dei har eit utdanningsnivå som kvalifiserer for jordskiftedommar.

Etter gjeldande jordskiftelov § 7 femte ledd skal dommarar ved jordskiftedomstolane ha utdanning på mastergradnivå med fagkrins fastsett av departementet. Denne regelen blir ført vidare i lovforslaget § 2-4. Departementet kan leggje myndigheita til å fastsetje fagkrinsen til andre slik løysinga er i dag, jf. Prp. 3 L (2012–2013).

Formuleringa «jordskiftefagleg utdanning på mastergradnivå» er ikkje til hinder for at ein student tek eksamen i dei relevante faga ved ulike utdanningsinstitusjonar.

Føresegnene i denne paragrafen er ikkje til hinder for endringar i utdanningssektoren.

*Til § 2-5 Utval av jordskiftemeddommarar*

Grunngivinga for forslaget går fram av kapittel 7.6.3, og regelen byggjer på gjeldande jordskiftelov § 8.

*Første ledd første punktum* seier at det skal vere eitt særskilt utval av jordskiftemeddommarar i kvart jordskiftesokn. Etter gjeldande jordskiftelov er det eitt utval i kvar kommune.

Ein jordskiftemeddommar er ein ikkje jordskiftefagleg fagkunnig dommar.

*Første ledd andre punktum* seier at jordskiftemeddommarane skal vere kunnige i saker som jordskifteretten i soknet til vanleg har. Med «kunnig» er her meint at medlemmene i utvalet av jordskiftemeddommarar har greie på, kjenner til eller veit noko om det saka gjeld. Til vanleg betyr det at det ofte kjem krav om saker med slikt innhald. Det er jordskifterettsleiaren som må avgjere konkret kva som ligg i «kunnig» og «til vanleg». Han må informere kommunane i jordskiftesoknet om kva desse krava inneber for valet av jordskiftemeddommarar.

Etter *første ledd tredje punktum* skal talet på jordskiftemeddommarar i utvalet i jordskiftesoknet vere stort nok til at ein kan rekne med at kvart medlem kan gjere teneste i løpet av valperioden. Valperioden er valperioden for kommunevalet. I omgrepet «kan rekne med» ligg det at dersom saksmengda og bruken av jordskiftemeddommarar blir om lag som i føregåande valperiode, vil alle medlemmene bli med i ei sak for jordskifteretten. Indirekte ligg det òg i dette ei forventning om at jordskiftedommarane ved den lokale jordskifteretten nemner opp jordskiftemeddommarar slik at alle blir brukt.

Etter *andre ledd første punktum* skal utvalet peikast ut etter reglane i domstollova om val av meddommarar.

Det går fram av *andre ledd andre punktum* at jordskifterettsleiaren fastset kor mange det skal vere i utvalet for kvar kommune. Regelen fører vidare innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 8 tredje og fjerde punktum.

*Andre ledd tredje punktum* seier at alle kommunar i jordskiftesoknet skal peike ut minst eitt medlem av kvart kjønn, og alltid like mange av kvart kjønn til utvalet. Dette er nytt i høve til gjeldande jordskiftelov, og det går heller ikkje fram av domstollova. Formuleringa «og alltid like mange av kvart kjønn» inneber at kommunen må velje 2, 4, 6 og så vidare.

Det følgjer av domstollova § 65 andre ledd siste punktum at jordskifterettsleiaren seinast 1. mars i kommunevalåret må underrette kommunane i jordskiftesoknet om fordelinga av jordskiftemeddommarar. Informasjon om kva som er meint med omgrepa kunnige og til vanleg, må følgje underrettinga.

*Andre ledd fjerde punktum* seier at lagrette-medlemmer, meddommarar og skjønnsmedlemmer ikkje er fritekne for val til utvalet av jordskiftemeddommarar. For lagrettemedlemmer og

meddommarar er dette som etter gjeldande jordskiftelov. For skjønnsmedlemmer er det nytt.

#### *Til II Samansetjinga av jordskifteretten i ulike slags saker. Lovnad frå jordskiftemeddommar med meir*

Denne delen av kapitlet inneheld reglar om kor mange dommarar det skal vere i den enkelte sak, om korleis jordskiftemeddommarane blir med i jordskifteretten, og om den lovnaden ein jordskiftemeddommar skal gi første gong han er med i jordskifteretten. Omgrepet «med meir» fangar opp plikta jordskiftedommararen har til å gjere jordskiftemeddommararen merksam på dei pliktene meddommararen har.

#### *Til § 2-6 Samansetjinga av jordskifteretten*

Grunngivinga for forslaget går fram av kapittel 7.7.

*Første ledd* seier at jordskifteretten skal setjast med ein jordskiftedommar. Regelen avløyser jordskiftelova § 9 første ledd. Etter § 9 skal jordskifteretten setjast med ein jordskiftedommar og to jordskiftemeddommarar.

*Andre ledd* inneheld unntak frå regelen i første ledd. Andre ledd seier at dersom «ein part krev det eller, eller jordskiftedommararen meiner det trengst, skal retten setjast med to jordskiftemeddommarar. Ein part som reiser slikt krav, treng ikkje grunngi kravet. Dei andre partane i saka skal underrettast om kravet.

Jordskiftedommararen kan bestemme at retten skal setjast med to jordskiftemeddommarar når han meiner at det «trengst». Jordskiftedommararen treng ikkje grunngi dette fordi avgjerda om bruk av jordskiftemeddommarar ikkje kan ankast, sjå femte ledd. I praksis er jordskiftemeddommarar særleg aktuelle i saker der retten må foreta skjønnsprega vurderingar.

Begge vilkåra i andre ledd er nye.

Etter likestillingslova § 1 a har jordskifteretten plikt til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling mellom kjønna på sitt område. Av denne regelen følgjer det at dersom jordskifteretten setjast med to jordskiftemeddommarar, skal det nesten alltid vere ein meddommar av kvart kjønn. Dette er i samsvar med gjeldande praksis. Etter lovforslaget § 2-7 kan jordskiftedommararen berre fråvike likestillingskravet for å få kunnige jordskiftemeddommarar, sjå meir om dette i spesialmerknadene til lovforslaget § 2-7 nedanfor.

Det er ikkje nokon frist for å krevje jordskiftemeddommarar. Det går fram av lovforslaget § 6-2 at krav om sak så langt det er mogleg, skal inne-

halde ei utsegn om det er behov for jordskifte-meddommarar. I samband med forkynninga av krav om sak for jordskifteretten, oppmodast dei andre partane om å ta stilling til behovet for jordskiftemeddommarar. I nokre saker vil det allereie etter dette vere klart at retten skal setjast med jordskiftemeddommarar. Krav om jordskiftemeddommarar kan trekkjast tilbake fram til jordskifteretten er sett. I slike høve fell eventuelle kostnader med jordskiftemeddommarane på den som trekk kravet, sjå lovforslaget § 7-7.

Når ei sak startar med jordskiftemeddommarar, slutførast saka med jordskiftemeddommarar. Etter domstollova §§ 15 første ledd og 21 andre ledd kan ei hovudforhandling i tvist likevel bli slutført sjølv om ein jordskiftemeddommar får forfall i løpet av hovudforhandlinga.

*Tredje ledd* inneheld særreglar om tiltaks- og vernejordskifte. Tiltaks- og vernejordskifte er definert i lovforslaget § 1-3. Spesialmerknadene til lovforslaget § 1-3 gjer greie for innhaldet i desse to sakstypene.

For tiltaks- og vernejordskifte er hovudregelen at det skal vere to jordskiftemeddommarar. Denne regelen går fram av *tredje ledd første punktum*, og er ny.

*Tredje ledd andre punktum* er eit unntak frå hovudregelen for tal jordskiftemeddommarar i tiltaks- og vernejordskifte. Etter dette punktum kan jordskifteretten setjast med fire jordskiftemeddommarar i slike saker. Vilkåra er dei same som unntaksregelen i andre ledd.

Det er ikkje lenger krav om å ta med nokon frå utvalet av skjønnsmedlemmer i tiltaks- og vernejordskifte.

*Fjerde ledd* opnar for at inntil to varajordskiftemeddommarar og ein varajordskiftedommar kan følgje forhandlingane i ei sak. Vilkåret er at saka er omfattande. Jordskiftedommaren må ta konkret stilling til om dette vilkåret er til stades. Vurderingsmoment vil mellom anna vere talet på parter, kor lang tid det er påreknleg at saka vil ta, og kompleksiteten i dei tema som saka inneheld.

Det har ikkje vore lovfesta reglar som opnar for at ein vara kan følgje forhandlingane i tidligare jordskiftelover. Det er likevel ein viss praksis for dette med heimel i domstollova § 21 andre ledd andre punktum. Ordninga med inntil to varajordskiftemeddommarar har ingen parallell i domstollova. Der er det tvert om slik at etter domstollova § 15 kan ei hovudforhandling fortsetje sjølv om ein av meddommarane i retten får forfall.

*Femte ledd* seier at ei avgjerd om samansetjinga av jordskifteretten ikkje kan ankast. Dette gjeld òg for avgjerd om bruk av varajordskifte-

meddommarar og varajordskiftedommar i omfattande saker. Denne regelen er ny. Grunngivinga for føresegna går fram av kapittel 7.7.8.3.

Det vanlege er at jordskifteretten består av dei same menneska frå første til siste rettsmøte i saka. Det er likevel sikker praksis for at samansetjinga av jordskifteretten kan endrast i løpet av saka. Det har hendt at jordskifteretten ved slutten av ei sak er samansett av personar som ikkje deltok da saka tok til. Føresegna er ikkje til hinder for dette.

Når det gjeld saksbehandling og avgjerd i konkrete tvistesporsmål, har det vore slik at samansetjinga av jordskifteretten ikkje kan endrast medan tvisten er til behandling. Føresegna er heller ikkje til hinder for ein slik praksis.

Lovforslaget § 2-6 gjeld ikkje for skjønn og andre avgjerder som eiga sak etter lovforslaget § 5-4.

#### *Til § 2-7 Oppnemning av jordskiftemeddommarar*

Ordninga med oppnemning av jordskiftemeddommarar er den same som i gjeldande jordskiftelov. Ordninga gir jordskiftedommaren rom både for å sikre at jordskiftemeddommarane er kunnige i det saka i hovudsak gjeld, og til å ta vare på likestillingsomsynet. Oppnemning er òg nytta i skjønnsprosesslova § 12 der formålet med oppnemninga er å få ei samansetjing som sikrar ei allsidig vurdering, og tilstrekkeleg kunnskap om lokale tilhøve. Grunngivinga for forslaget går fram av kapittel 7.8.

Det følgjer av *første ledd første punktum* at oppnemninga er ubunden av soknegrensar. Det inneber at jordskiftedommaren ikkje er bunden av dei grensene for jordskiftesokn som er fastsett etter lovforslaget § 2-1.

Når det gjeld kva som er meint med ordet «kunnige», viser ein til spesialmerknadene til lovforslaget § 2-5.

Etter *første ledd andre punktum* skal jordskiftedommaren nemne opp jordskiftemeddommarar som er kunnige. I gjeldande lov er formuleringa «så langt råd er» nytta. Denne formuleringa er teken ut i lovforslaget. Jordskiftedommaren må gjere seg kjend med kva medlemmene i jordskiftedommarutvalet er kunnige i, og bruke denne kunnskapen ved oppnemninga. Finn jordskiftedommaren ikkje meddommarar som er kunnige i det saka gjeld innan utvalet, kan han nemne opp meddommarar utanfor utvalet, sjå andre ledd.

Andre punktum seier at jordskiftedommaren «skal nemne opp jordskiftemeddommarar som er kunnige i det saka i hovudsak gjeld». I rettsfastset-

jande saker er det etter måten greitt kva som ligg i formuleringa «i hovudsak gjeld». I jordskifte kan det vere mange, uoversiktlege og innfløkte problemstillingar. I slike tilfelle må jordskiftedommaren mellom anna sjå på vurderingsmoment som kva det er som vil vere mest krevjande å behandle, kva som betyr mest for partane, kva som har størst økonomisk verdi, og kva for skjønnsliknande vurderingstema som jordskifteretten må ta stilling til. Det betyr at jordskiftedommaren må ha kome så langt i saksførebuinga at innhaldet i saka er rimeleg klart før jordskiftemeddommarane blir nemnde opp. Det er ikkje ein mangel ved kunnskapen til ein jordskiftemeddommar om vedkommande ikkje er like kunnig i alle delar av saka. Når det er to eller fire jordskiftemeddommarar, vil det vere nok om dei til saman er kunnige i det saka i hovudsak gjeld.

*Første ledd tredje punktum* opnar for at jordskiftedommaren kan nemne opp jordskiftemeddommarar som ikkje er i utvala. Denne regelen er ny. Skjønnsprosesslova § 12 tredje ledd inneheld ein heimel som har same ordlyd, og som opnar for å gå utanfor utvalet av skjønnsmedlemmer. I Ot.prp. nr. 18 (1971–72) er det i samband med heimelen i skjønnsprosesslova gjort greie for nokre typetilfelle der det er behov for å gå utanom utvalet:

«Det kan imidlertid være grunn til å regne med at det fortsatt vil være et visst behov for å kunne gå utenfor utvalgene, enten for å få med en skjønnsmann som finns i utvalget for et annet fylke, eller for å få en skjønnsmann som ikke står i noe skjønnsmannsutvalg. De hensyn som tilsier dette kan for eksempel være at det kreves en skjønnsmann med helt spesielle kvalifikasjoner, som ikke noen skjønnsmann innen utvalget har, eller at de skjønnsmenn som måtte ha disse egenskaper er forhindret fra å delta på grunn av andre oppdrag eller inhabilitet. Det bør derfor være adgang til å gå utenfor utvalget ved oppnevning av skjønnsmenn når dette i særlige tilfelle ansen å være påkrevd eller ønskelig.»

Regelen i lova her byggjer på denne tilnærminga.

Det er eit vilkår at det er nødvendig for å få jordskiftemeddommarar som er særleg kunnige på eitt eller fleire område som saka gjeld. Kva som ligg i omgrepet «nødvendig», må avgjerast konkret. Eit moment kan vere at alternativet er å bruke rettsoppnemnt sakkunnig. Eit anna moment kan vere at nokon som er «særleg kunnig», ikkje står i dei aktuelle utvala.

Når nokon er «særleg kunnig», er vedkommande klart meir kunnig enn det som er vanleg for dei som er kunnige.

Det er ikkje meininga at denne opninga til å nemne opp jordskiftemeddommar utanfor utvala, skal kunne føre til at jordskifteretten ikkje er lovleg sett fordi opninga ikkje er brukt. Regelen er meir å forstå som eit uttrykk for at det er viktig at ein særdomstol er særleg kompetent på sitt område.

Innhaldet i *andre ledd* er det same som i gjeldande jordskiftelov § 9 sjette ledd. Føresegna rettar seg mot dei tilfella der fråfallet ikkje er varsla i så god tid at det er mogleg for jordskiftedommaren å tilkalle varajordskiftemeddommar.

*Andre ledd første punktum* gjeld når ein oppnemnt jordskiftemeddommar ikkje møter. Å ikkje møte vil i denne samanheng seie at vedkommande ikkje er til stades i rettsmøtet. Dette gjeld både rettsmøte der rettsmedlemmene må delta fysisk, og fjernmøte.

I første punktum heiter det òg at oppnemnt jordskiftemeddommar «ikkje kan gjere teneste». Det vil vere tilfellet dersom vedkommande har møtt, men er ute av stand til å gjere sine plikter som jordskiftemeddommar. Akutt sjukdom kan vere eit eksempel på dette. Uforutsett avgjerd om ugildskap kan vere eit anna eksempel.

Minst eitt av desse vilkåra må vere til stades for å tilkalle varajordskiftemeddommar. I praksis vil jordskiftedommaren prøve å kontakte den som ikkje har møtt i tide. Er det grunn til å meine at vedkommande ikkje kjem innan rimeleg tid, kan jordskiftedommaren tilkalle varajordskiftemeddommar.

Den praktiske konsekvensen av ordlyden i andre ledd første punktum er at jordskiftedommaren først skal prøve å tilkalle varajordskiftemeddommar. Etter andre ledd første punktum er det eit vilkår for å kunne bruke varajordskiftemeddommar at han kan komme til stades «innan rimeleg tid». Kva som ligg i formuleringa «innan rimeleg tid», må avgjerast konkret i kvart tilfelle. Vurderingstema vil mellom anna vere sjansane for å kunne halde rettsmøtet slik det er planlagt, tids-spille ved å bruke heimelen i andre ledd andre punktum, og ulemper og kostnader ved å utsetje rettsmøtet.

Praksis etter gjeldande jordskiftelov er at jordskiftedommaren først prøver å tilkalle nokon som står i utvalet, og som kan møte innan rimeleg tid. Ordlyden i andre ledd er ikkje til hinder for at dette kan fortsetje. Dersom heller ikkje dette går, kan jordskiftedommaren etter *andre ledd andre punktum* oppnemne jordskiftemeddommar som

ikkje står i utvala. Valet av slik ekstraordinær jordskiftedommaren er likevel ikkje heilt fritt. Domstollova §§ 70 til 72 set krav til meddommarar som gjeld òg i dei tilfella det her er snakk om.

Dersom ein slik situasjon oppstår ved starten av rettsmøtet, vil jordskiftedommaren ta løysinga opp med partane.

Uansett kva for heimel som blir brukt for å få sett jordskifteretten med jordskiftedommaren, må partane ta stilling til samansetninga av jordskifteretten ved starten av rettsmøtet.

Slik ekstraordinær oppnemning gjeld berre for det enkelte rettsmøtet. Den ekstraordinære jordskiftedommaren trer ut av jordskifteretten når rettsmøtet er over. Den ekstraordinære jordskiftedommaren trer òg ut av jordskifteretten dersom ein varajordskiftedommaren kjem til stades under rettsmøtet. Det er likevel slik at den ekstraordinære jordskiftedommaren deltar i jordskifteretten så lenge retten behandlar konkret tvist, sjå spesialmerknadene til lovforslaget § 2-6.

#### Til § 2-8 Innprenting og lovnad

Grunngivinga for forslaget går fram av kapittel 7.9.

*Første ledd første punktum* seier at første gong nokon gjer teneste som jordskiftedommaren, skal jordskiftedommaren i rettsmøte gjer jordskiftedommaren kjend med dei pliktene ein jordskiftedommaren har. Plikta jordskiftedommaren har til å innprente etter første punktum gjeld berre for jordskiftedommaren som gjer teneste for første gong. Jordskiftedommaren skal gjer jordskiftedommaren kjent med pliktene i det første rettsmøtet jordskiftedommaren er med i. Neste gong jordskiftedommaren gjer teneste, skal han berre seie frå om at han har gitt lovnad tidlegare.

*Første ledd andre punktum* seier at jordskiftedommaren skal love at han vil gjer pliktene sine samvitsfullt og etter beste overtyding i den aktuelle saka («denne saka»), og i alle framtidige saker.

Jordskiftedommaren som har gitt lovnad som skjønnsmedlem eller i anna sak for dei vanlege domstolane, er ikkje friteken frå å gi lovnad for jordskifteretten.

I praksis vil jordskiftedommaren gi lovnaden i rettsmøte umiddelbart etter at jordskifteretten er lovleg sett. Det er ein konsekvens av at jordskiftedommaren gjer innprentinga si etter første punktum i første rettsmøte.

Kva jordskiftedommaren skal love retten går fram av *andre punktum*. Jordskiftedommaren skal love at han vil gjer pliktene sine samvitsfullt og etter beste overtyding i den aktuelle saka, og i alle framtidige saker. Det inneber at han må følgje forhandlingane i jordskifteretten nøye, ta sine avgjerder etter beste overtyding på grunnlag av gjeldande lov og det faktum som ligg føre, og at han ikkje skal ta sideomsyn av noko slag.

*Andre ledd* er ny. Domstoladministrasjonen skal fastsetje den konkrete ordlyden i lovnaden. Etter gjeldande lov er ordlyden fastsett i rettleiing for utføring av jordskiftesaker av 1. mars 1991 punkt 11.2.

Etter lovforslaget er det ikkje lenger krav til å føre lovnaden i rettsboka.

#### Til Kapittel 3. Jordskifte

##### Til overskrifta

«Jordskifte» er namnet på den prosessen som fører til endringar i utforminga av fast eigedom og endringar i innhaldet i rettar til fast eigedom som jordskifteretten kan gjer med heimel i lovforslaget kapittel 3.

Jordskifteretten kan ta andre avgjerder enn dei som er heimla i kapittel 3. Jordskifteretten kan greie ut rettslege spørsmål (rettsutgreiing) eller fastsetje grenser (grensefastsetjing) i medhald av lovforslaget kapittel 4. Jordskifteretten kan vidare etter reglane i lovforslaget kapittel 5 halde skjønn og ta andre avgjerder etter nokre særlover. Det jordskifteretten gjer i medhald av kapittel 4 eller 5, fell ikkje inn under omgrepet jordskifte slik det er brukt i lovforslaget.

Departementet foreslår sju underoverskrifter. Det er gjort greie for dette i kapittel 8.2.3.

##### Til I Utenlege eigedomstil høve og bruk av verkemiddel i jordskifte

Lovforslaget kapittel 3 del I gir reglar for kva jordskifterettane kan gjer i eit jordskifte. Jordskifteretten kan bruke minst eitt av verkemidla i lovforslaget §§ 3-4 til 3-10. Verkemidla i lovforslaget §§ 3-11 og 3-12 kan berre brukast når jordskiftesak etter lovforslaget §§ 3-4 til 3-10 er sett i gang.

Jordskifteretten kan etter kapittel 5 halde skjønn og ta andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett. Desse avgjerdene reknar ein ikkje som eit verkemiddel etter kapittel 3.

*Til § 3-1 Verkemiddel for å bøte på utenlege eigedomstilhøve*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om kva verkemiddel jordskifteretten kan bruke for å bøte på utenlege eigedomstilhøve i kapittel 8.7.3.

*Første ledd første punktum* byggjer på gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd. Etter lovforslaget første punktum kan jordskifteretten bruke verkemidla i lovforslaget §§ 3-4 til 3-10 for å bøte på utenlege eigedomstilhøve slik det går fram av lovforslaget § 3-2.

Første punktum seier at jordskifteretten kan bruke verkemidla i lovforslaget §§ 3-4 til 3-10. Med unntak av lovforslaget § 3-5 Skipping av sameige, er ingen av verkemidla i desse paragrafane nye verkemiddel for jordskifteretten. Jordskifteretten står ikkje fritt til å velje mellom alle verkemidla i alle jordskifte. Sjå lovforslaget § 3-2 andre ledd.

I omgrepet «bøte på» ligg at jordskifteretten kan endre på eigedomstilhøva slik at partane etter jordskiftet kan bruke eigedommane sine på ein meir tenleg måte. Etter første punktum kan jordskifteretten bøte på det partane har teke opp som utenelege eigedomstilhøve slik det går fram av lovforslaget § 3-2. Formuleringa «slik det går fram av § 3-2» inneber at eigdommen eller retten må vere vanskeleg å bruke etter tid og tilhøve. Når det gjeld kva som ligg i formuleringa «etter tid og tilhøve», sjå spesialmerknadene til lovforslaget § 3-2. Omgrepet «utenlege» i lovforslaget § 3-1 skal bli forstått på same måte som omgrepet utenleg i overskrifta til lovforslaget § 3-2. Det skal vere samanheng mellom det utenlege og dei verkemidla som blir brukte. Verkemidla må heilt eller delvis råde bot på det som er hevda å vere utenleg. Jordskifteretten kan såleis ikkje gå lenger i bruk av verkemiddel enn det som er nødvendig for å bøte på det utenlege eigedomstilhøvet, jf. lovforslaget § 3-16.

Utgangspunktet for valet til jordskifteretten av verkemiddel er kravet som rekvirenten har sett fram og det dei andre partane tek opp i saka. Dette byggjer lovforslaget § 3-2 andre ledd på. Kva som kan behandlast av jordskifteretten, går fram av merknadene til lovforslaget § 1-4.

*Første ledd andre punktum* fører vidare gjeldande jordskiftelov § 2 andre ledd. I andre punktum seier ein at ei jordskiftesak kan omfatte eitt eller fleire av verkemidla som er nemnde i første punktum. Lovforslaget inneber inga endring i høve til gjeldande rett.

*I første ledd tredje punktum* nemner ein ytterlegare verkemiddel som jordskifteretten kan bruke.

I tredje punktum blir det sagt at når det er reist jordskiftesak etter §§ 3-4 til 3-10, kan jordskifteretten dessutan bruke verkemidla i lovforslaget §§ 3-11 og 3-12. Paragrafane gjeld kva jordskifteretten kan gjere med rettar som ikkje er alltidvarande under eit jordskifte.

*Andre ledd første punktum* seier at for jordskifte i bygdeallmenningar gjeld lov 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenningar § 1-4.

*Andre ledd andre punktum* seier at for jordskifte i statsallmenningar gjeld lov 6. juni 1975 nr. 31 om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningar § 16 og lov 19. juni 1992 nr. 60 om skogsdrift m.v. i statsallmenningene § 4-2.

For bygdeallmenningar og statsallmenningar inneber det at allmenning kan inngå i jordskifte etter §§ 3-4 og 3-10. I lovforslaget er begge dei to lovene endra for å få dette fram.

*Til § 3-2 Utenlege eigedomstilhøve*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om utenlege eigedomstilhøve i kapittel 8.8.3.

*Første ledd første punktum* fører vidare vilkåret i gjeldande jordskiftelov § 1 første ledd om at eigedom som det er vanskeleg å nytte ut på ein tenleg måte kan leggjast under jordskifte.

Første punktum seier at jordskifteretten kan halde jordskifte etter §§ 3-4 til 3-10 dersom minst ein eigedom eller bruksrett i jordskifteområdet er vanskeleg å bruke på tenleg måte etter tid og tilhøve. Det er ikkje eit vilkår at alle, eller mange av eigedommane skal vere vanskeleg å bruke på tenleg måte og at dei kvar for seg må oppnå ein fordel ved jordskiftet.

Første punktum gjeld for eigedomstilhøva slik dei er når jordskiftet er til behandling. Det inneber at eigedomstilhøva må vere utenlege frå kravet blir sett fram og til jordskiftesaka blir avslutta. Skjer det endringar i eigedomstilhøva under jordskiftet slik at eigedomstilhøva ikkje lenger er utenlege, må jordskifteretten avslutte behandlinga av saka.

Omgrepet «bruksrett» famnar dei bruksrettane som er nemnde i §§ 3-4, 3-7, 3-8, 3-9 og 3-10.

Jordskifteretten skal gjere ei konkret vurdering av om eigedomstilhøva eller bruksrettane er vanskelege å bruke etter tid og tilhøve. Vilkalet i første punktum er oppfylt dersom minst ein eigedom eller ein bruksrett er vanskeleg å bruke på tenleg måte etter tid og tilhøve. Jordskifteretten skal gjere ei samla vurdering. I vurderinga må jordskifteretten sjå på det partane peiker ut som utenleg. Det er ikkje nok at jordskifteretten finn at eigedommane eller bruksrettane er vanskelege å

bruke etter tid og tilhøve, dei må kunne gjerast betre som følgje av jordskifte. Verdien av forbetringa må vere større enn kostnadene etter lovforslaget § 7-1. Viss vilkåret ikkje er oppfylt kan saka ikkje behandlast.

Omgrepet «bruke på tenleg måte» er ikkje knytt til bestemte bruksformål. Gjeldande jordskiftelov er nøytral i høve til dei motiva eigaren har for bruken av eigedommen. Meiniga er at det òg skal vere slik i den nye jordskiftelova. Første ledd gjeld såleis når eigedommen eller bruksretten er vanskeleg å bruke (nytte) til for eksempel til landbruk, busetjing eller næringsformål. Så lenge dei nødvendige løyva ligg føre, og bruksformålet ikkje er i strid med ei lov, er det ein bruk som fell inn under lova. På «tenleg måte» betyr som i gjeldande jordskiftelov, at jordskifte skal føre til ei forbetring av bruken. Det behøver ikkje føre til endring i økonomien i bruken, for eksempel betre avkasting eller færre kostnader. Eit eksempel på kva som er tenleg er at partane oppnår ei løysing slik at samarbeidet dei imellom blir betra, og slik at dei lettare kan unngå konflikter som går ut over bruken av eigedommen.

Jordskifteretten må av eige tiltak avvise eit krav om jordskifte dersom han meiner at ingen eigedom er vanskeleg å bruke på tenleg måte.

*Første ledd andre punktum* seier at jordskifteretten òg kan halde jordskifte etter lovforslaget §§ 3-4 til 3-10 dersom det er pårekeleg at minst ein eigedom eller bruksrett kan bli vanskeleg å bruke på tenleg måte etter tid og tilhøve som følgje av eit offentleg eller privat tiltak. Andre punktum byggjer på oppstillinga i gjeldande jordskiftelov § 1 andre ledd, men han er gjort meir generell fordi han ikkje nemner spesielle tiltak.

Jordskifteretten må gjere ei konkret vurdering av kva som er pårekeleg følgje av det private eller offentlege tiltaket.

Andre punktum inneheld ei endring i høve til gjeldande jordskiftelov § 1 andre ledd bokstav a. Jordskifte kan gjennomførast utan omsyn til kva det er som leggjast ned, ikkje berre ved nedlegging av private jernbaneovergangar slik lova er i dag.

Andre punktum gjeld òg i dei tilfella der det er pårekeleg at vedteken reguleringsplan etter plan- og bygningslova fører til at eigedomstilhøva i reguleringsplanområdet blir utenlege i høve til planformålet. Andre punktum byggjer på gjeldande jordskiftelov § 1 andre ledd bokstav b. I gjeldande jordskiftelov er jordskifte etter § 2 første ledd bokstav i ei eiga form for jordskifte. Denne kompetansen for jordskifteretten er innarbeidd i lovforslaget § 3-4.

Andre punktum handlar om offentlege vedtak. Det spelar likevel inga rolle om det er private eller det offentlege som står bak reguleringsplanen.

*Første ledd tredje punktum* seier at som offentleg tiltak reknast òg offentleg regulering av eigarrådvelde eller vedteken reguleringsplan med tilhøyrande omsynssone. Eit eksempel på offentleg regulering kan vere vedtekne verneplanar. Tredje punktum fører vidare gjeldande jordskiftelov § 1 andre ledd bokstav b. Her er det sjølv inngrepet i eigarrådveldet som må gjere det vanskeleg å bruke restrådveldet på tenleg måte. Erfaring viser at løysinga i slike saker til vanleg er byte av areal slik at det offentlege blir eigar av det regulerte området. Føresegna er likevel ikkje til hinder for at jordskifteretten kan gjere andre løysingar.

*Andre ledd* seier at jordskifteretten ikkje kan gjere andre endringar enn dei som er nødvendige for å bøte på dei utenlege eigedomstilhøva som partane har teke opp i jordskiftet.

Andre ledd er ei lovfesting av gjeldande praksis, og ei presisering av tilhøvet mellom partane og jordskifteretten når det gjeld verkemiddelbruken. Partane har hand om kva for sider ved eigedomstilhøva som dei meiner er utenlege. Jordskifteretten er bunden av det utenlege partane tek opp. Jordskifteretten kan velge dei verkemidla som må til for å bøte på det utenlege.

#### *Til § 3-3 Meir tenlege eigedomstilhøve i jordskifteområdet*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om meir tenlege eigedomstilhøve i jordskifteområdet i kapittel 8.9.3.

Paragrafen seier at jordskifteretten berre kan halde jordskifte etter §§ 3-4 til 3-10 for å skape meir tenlege eigedomstilhøve i jordskifteområdet. Han gjeld såleis ikkje for fordeling av planskapt netto verdiauke, sjå lovforslaget §§ 3-30 til 3-32. Det er ingen tilsvarande paragraf i gjeldande jordskiftelov. Paragrafen byggjer på praksis etter gjeldande jordskiftelov.

Det er ikkje nok for å halde ei sak at eigedomstilhøva er utenlege, jf. lovforslaget § 3-2. Eit jordskifte etter lovforslaget §§ 3-4 til 3-10 må dessutan samla sett føre til meir tenlege eigedomstilhøve i jordskifteområdet. Dette kjem i tillegg til vilkåret om at ingen eigedom eller bruksrett skal reduserast i verdi som følgje av jordskifte, jf. lovforslaget § 3-18.

Formuleringa «eigedomstilhøve» omfattar på same måte som i lovforslaget § 3-1 både eigedommar og rettar i jordskifteområdet.

Jordskifteretten skal gjere ei samla vurdering av om eigedomstilhøva blir meir tenlege. I vurderinga må jordskifteretten sjå på det partane peiker ut som utenleg, jf. lovforslaget § 3-2. Kostnadene ved jordskiftet går inn i denne samla vurderinga. Jordskifteretten skal likevel sjå bort i frå kostnader knytt til sakkunnig hjelp i tvistar, sjå lovforslaget § 7-8.

Omgrepet jordskifteområdet er definert i lovforslaget § 1-3 bokstav a.

#### *Til II Verkemiddel*

Lovforslaget kapittel 3 del II inneheld dei verkemidla jordskifteretten kan bruke i eit jordskifte.

#### *Til § 3-4 Ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett i kapittel 8.10.3.

*Første ledd første punktum* seier at jordskifteretten kan forme ut eigedom og alltidvarande bruksrett på nytt ved å byte om grunn og alltidvarande bruksrett. Første punktum fører vidare gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b. Første punktum gjeld òg omforming som etter gjeldande jordskiftelov er regulert av § 2 første ledd bokstav i. Første punktum gir òg heimel for byteprosessar som følgjer av gjeldande jordskiftelov § 35. Ut over dette er avløyning som skjer med heimel i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav d fanga opp i dei tilfella avløyninga fører til oppgjer i form av grunn eller alltidvarande bruksrett.

Det er ikkje meininga å gjere endring i kva for slag «eigedom og alltidvarande bruksrett» som kan formast ut på nytt. Lovforslaget gjeld som i dag, alle typar fast eigedom og alltidvarande bruksrettar som ligg til fast eigedom.

Omgrepet «alltidvarande bruksrett» kan femne rett til ei bestemt form for bruk som for eksempel ferdselsrett, beiterett, fiskerett, parkering av bil, båtfeste og til å ta trevirke. Omgrepet «alltidvarande bruksrett» femner for eksempel ikkje tidsavgrensa bruksrettar eller såkalla negative servituttar. Slike rettार kan likevel omfattast av jordskifte dersom dei er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing, jf. lovforslaget §§ 3-11 eller 3-12.

*Første ledd andre punktum* seier at bruksrettane må liggje til fast eigedom. Med omgrepet «liggje til» fast eigedom er meint bruksrettar som følgjer eigdommen og ikkje eigaren. Det handlar såleis om rettार som ikkje kan avhendast utan

saman med eigdommen eller ein høveleg del av han, jf. servituttolva § 9 andre ledd første punktum.

Andre punktum fører vidare avgrensinga frå førearbeida til gjeldande jordskiftelov mot personlege bruksrettar. Jordskifteretten kan likevel etter lovforslaget § 3-11 flytte for eksempel ein privat veg som nokon har ein personleg bruksrett til. Den personlege bruksretten vil da følgje med til den nye vegtraseen.

*Andre ledd første punktum* seier at jordskifteretten kan påby at vassleidningar, damanlegg, kraftleidningar og liknande som står på grunn som går i byte etter første ledd, skal overførast til ny eigar. *Andre ledd andre punktum* seier at det same gjeld bygningar. Påbod om å byte bygningar og tekniske anlegg fører vidare gjeldande jordskiftelov § 48. Heimelen til å gi påbod om å byte bygningar er gjort generell. Heimelen må sjåast i lys av vilkåret i lovforslaget § 3-18 som seier at ingen eigedom eller bruksrett skal li tap. Heimelen vil såleis ha mest praktisk å seie for bygningar som har liten verdi for eigaren.

Andre ledd fører vidare kompetansen jordskifteretten har til å gi påbod om overføring etter gjeldande jordskiftelov § 48. Reglane om vederlag ved overføring går fram av lovforslaget § 3-25.

#### *Til § 3-5 Skiping av sameige*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om skiping av sameige i kapittel 8.11.3.

Lovforslaget § 3-5 gir jordskifteretten ein ny heimel til å skipe sameige mellom eigedommar. Sameige kan opprettast dersom dette bøter på dei utenlege eigedomstilhøva på ein betre måte enn ved å gi reglar om sambruk mellom eigedommar etter lovforslaget § 3-8.

Kompetansen jordskifteretten har til å skipe realsameige er generell. Jordskifteretten kan for eksempel skipe jordsameige slik dette går fram av matrikkellova § 5 første ledd bokstav d. Kompetansen femner òg meir enn dette. Søkalla «moderne realsameiger» som er omtala i NOU 1999: 1 Lov om eiendomsregistrering kapittel 25.2 Kort om opphav, rettstilstand, utvikling og omfang er òg omfatta. Sjå omtale av slike sameiger i kapittel 8.11.3 Jordskifteretten kan ikkje skipe personleg sameige etter § 3-5.

Når sameiget er oppretta, gjeld sameigelova for tilhøvet mellom sameigarane.

Ein kan berre gi nye reglar om bruksordning etter lovforslaget § 3-8 dersom det ligg føre særlege grunnar. Kva som ligg i særlege grunnar går fram av merknadene til lovforslaget § 3-8 første



ledd andre punktum. I tillegg til vilkåra som gjeld for bruksordning, må løysinga etter lovforslaget § 3-5 vere «betre». Dette omgrepet stiller ikkje noko bestemt krav til kor mykje betre skiping av jordsameige må vere.

Sjølve vurderinga av om noko er «betre», må vere konkret. Jordskifteretten skal vurdere kva som er «utenlege eigedomstilhøve» i ljøs av reglane i lovforslaget § 3-2.

Spesialmerknadene til lovforslaget § 3-8 Reglar om sambruk (bruksordning) viser kva som ligg i etablering av felles bruk mellom eigedommar.

#### *Til § 3-6 Oppløysing av sameige og sambruk mellom eigedommar*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om oppløysing av sameige og sambruk mellom eigedommar i kapittel 8.12.3.2.

Paragrafen gjeld oppløysing av sameige og sambruk mellom eigedommar. Dette kan føre til fysisk deling av grunn som ligg i sameige mellom eigedommar eller der det er sambruk. I andre høve har jordskifteretten kompetanse til å dele eigedom etter lovforslaget § 3-7. Sjå merknadene til lovforslaget § 3-7.

Lovforslaget § 3-6 byggjer på gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav a. Det er ikkje meininga å gjere noka endring når det gjeld kompetansen jordskifteretten har til å løyse opp sameige mellom eigedommar (bokstav a).

*Etter første punktum* kan jordskifteretten «løyse opp» sameige og sambruk mellom eigedommar. Resultatet vil vere at sameigearealet blir delt mellom sameigarane. Oppløysing av sameige mellom eigedommar vil føre til at kvar enkelt sameigar får sin del av eigdommen som eineigar. Jordskifteretten fastset, merkjer og koordinatfestar dei nye eigedomsgrensene. I matrikkelen blir det inga endring når det gjeld tal einingar med mindre det er tale om ei fullstendig oppløysing av eit sameige som er registrert som eiga eining.

Omgrepet sameige «mellom eigedommar» skal bli forstått på same måte som omgrepet ligg i sameige «mellom bruk» som brukast i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav a.

Jordskifteretten kan òg løyse opp «sambruk mellom eigedommar». Regelen tek for det første sikte på situasjonar der to eller fleire eigedommar for eksempel har same rett til å bruke ein veg over fast eigedom eller til å beite på ein eigedom som dei ikkje eig sjølv. Regelen dekkjer òg situasjonar der fleire har ulike bruksrettar på same eigedom. Når jordskifteretten løyser opp sambruk mellom eigedommar, kan kvar enkelt rettshavar få sin rett

lagt ut på eit avgrensa område. Det er altså tale om å individualisere rettane til dei eigedommane som har bruksretten.

Det ligg ikkje i paragrafen at jordskifteretten kan løyse opp eit sameige som berre gjeld ein bygning. Dette fører vidare gjeldande rett.

*Etter andre punktum* kan oppløysinga vere delvis eller fullstendig. Dette er lovfesting av gjeldande praksis.

#### *Til § 3-7 Deling av eigedom*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om deling av eigedom i kapittel 8.12.3.3.

Forskjellen mellom lovforslaget § 3-6 og lovforslaget § 3-7 er at lovforslaget § 3-6 handlar om deling av realsameige, medan lovforslaget § 3-7 blant anna vil gjelde der det er snakk om å dele eigedom som ikkje fell inn under lovforslaget § 3-6. Eksempel på slik deling er oppløysing av andre sameige enn realsameige, for eksempel personlege sameige, og deling av eigedom som fleire har kjøpt saman for å dele han og bruke eigdommen som tilleggsjord.

Ein eigar av eigedom kan ikkje reise sak for jordskifteretten mot seg sjølv. Dei utenlege forholda må da løysast av eigaren sjølv. Sjølv om ein eigar ønskjer eigdommen sin delt, kan han såleis ikkje krevje sak etter lovforslaget § 3-7 for å dele eigdommen. I slike høve må eigaren søkje delingssamtykke etter plan- og bygningslova eventuelt òg etter jordlova på vanleg måte. Jordskifteretten kan heller ikkje måle opp eigdommen i slike høve.

Lovforslaget § 3-7 gir jordskifteretten heimel til å dele og forme ut ein eigedom med tilhøyrande bruksrettar etter eit bestemt høvetal. Kompetansen jordskifteretten har til å forme ut eigedommar på nytt ved byte av eigedom eller bruksrett, går fram av lovforslaget § 3-4 som byggjer på gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b og i.

Ordlyden i lovforslaget § 3-7 er henta noko nær ordrett frå gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav g, og paragrafen er meint å føre denne regelen vidare. Paragrafen skal dessutan dekkje situasjonen der jordskifteretten deler landbrukseigedom som skal nyttast som tilleggsjord, jf. gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav f. Etter denne føresegna kan jordskifte gå ut på å dele eigedom og forme ut eigedommane når grunn og rettar skal avhendast i samsvar med formålet i jordlova. Bokstav f var først og fremst meint brukt når staten avhenda tilleggsjord til andre eigedommar. Ordninga med statlege til-

leggsjordkjøp er nå oppheva. Bokstav f kan òg brukast når andre avhender tilleggsjord, for eksempel kommunen. Bokstav f kan dessutan nytast når eigedom går direkte over frå ein privatperson til ein eller andre privatpersonar, utan at stat eller kommune på noko tidspunkt står som formell eigar.

Når jordskifteretten kan «dele og forme ut ein eigedom», kan eigedommen for eksempel delast mellom fleire sameigarar, men jordskifteretten kan òg dele eigedom som er eigd av ein enkelt person eller eitt rettssubjekt.

Når jordskifteretten kan «forme ut» ein eigedom etter denne paragrafen, betyr det at jordskifteretten kan trekkje dei nye grensene på same måten som dette gjerast etter lovforslaget § 3-4.

Paragrafen gjeld når jordskifteretten deler eigedommen «etter eit bestemt høvetal» (for eksempel ein brøk eller etter ei prosentfordeling. Formuleringa etter eit bestemt høvetal krev ikkje ein eksakt brøk, partane kan òg vere samde om eit «slingringsmon». Høvetalet kan følgje av avtale, dom eller anna. Det er ikkje jordskifteretten som tek stilling til om eigedommen skal delast eller ikkje. Det er kravet om sak for jordskifteretten som må leggjast til grunn for kva jordskifteretten kan gjere.

Ein avtale som ikkje gir jordskifteretten noko slingringsmon å ta stilling til, eller der det ikkje er tvil om kvar grensa skal gå, er ikkje omfatta av omgrepet «etter eit bestemt høvetal». Dette kan for eksempel vere ein avtale om at kvar av partane skal ha kvar sin teig.

Jordskifteretten må dessutan halde seg innanfor reglane i matrikkellova, plan- og bygningslova og jordlova som inneheld krav om delingsløyve, sjå lovforslaget § 3-19 andre ledd og merknadane til denne føresegna. Kompetansen jordskifteretten har etter lovforslaget § 3-7 er såleis å verdsetje den enkelte delen basert på eit høvetal, og gjere delinga. Reglane om verdsetjinga går fram av lovforslaget §§ 3-15 og 3-16.

Kven som kan krevje sak om deling etter lovforslaget § 3-7, går fram av lovforslaget § 1-5. Sjå merknader til denne paragrafen.

#### *Til § 3-8 Reglar om sambruk (bruksordning)*

Det er gjort greie for dei ulike forslaga til reglar om sambruk i kapittel 8.13.

Etter føresegna kan jordskifteretten gi reglar om «sambruk mellom eigedommar», det som til dagleg kallast bruksordning. Omgrepet bruksordning er teke med i overskrifta av informative omsyn.

Paragrafen gjeld sambruk. Jordskifteretten får eit verktøy for å ordne bruken innan eit bestemt område. Det aktuelle området kan leggjast ut slik at berre ein eigedom får ein bestemt rett på ein del av sambruksområdet. I andre høve kan sambruken leggjast ut slik at fleire eigedommar har felles og likearta bruk av området. Jordskifteretten kan òg fastsetje at ulike eigedommar kan bruke eigedommen til kvar si tid. I nokre høve kan sambruken vere at ein eigedom får hogstrett medan ein annan får beiterett. I andre høve kan sambruken vere at alle eigedommane får rettar av same slaget, for eksempel beiterett.

*Første ledd første punktum* fører vidare heime-len i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c nr. 1 til å kunne gi reglar om sambruk mellom eigedommar der slike reglar ligg føre frå før. Det er gjort ei endring i lovteksten for å få klart fram at jordskifteretten òg har kompetanse til å endre eksisterande reglar. Første ledd første punktum kan gjelde tilhøva mellom alle eigedommar som er involverte i den aktuelle sambruken. Jordskifteretten kan gi reglar for sambruk der bruken blir delt mellom eigarar, eigarar og bruksrettshavarar, eller mellom bruksrettshavarar, sjå første ledd tredje punktum.

Paragrafen gjeld sambruk «mellom eigedommar». Han gjeld ikkje personlege bruksrettar.

Kva jordskifteretten kan gi reglar om i dag, går mellom anna fram av gjeldande jordskiftelov § 35. Sjølv om det ikkje er direkte sagt i lovforslaget samla sett, er meininga at jordskifteretten framleis skal kunne gjere dei same tiltaka som tidlegare. Sjå gjennomgangen av dette i kapittel 8.13.2.4. Jordskifteretten kan òg som etter gjeldande jordskiftelov § 56 andre ledd, jf. jordlova § 10, i samband med jordskifte endre brukstilhøva for uttak av brenntorv og strøtorv.

Etter *første ledd andre punktum* kan jordskifteretten skipe sambruk og fastsetje reglar om sambruk der det ikkje er sambruk frå før dersom det ligg føre særlege grunnar. Andre punktum fører vidare vilkåret i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c nr. 2. Der det ikkje er sambruk frå før, kjem vilkåret om «særlege grunnar» i tillegg til vilkåra i lovforslaget §§ 3-2, 3-3, 3-20 og 3-21. Vil-kåret om særlege grunnar inneber at det bør vere meir enn alminnelege grunnar til å tvinge eineeigde eigedommar inn i eit bruksfelleskap med andre. Etter gjeldande lov gjeld slike bruksordningar ofte jakt, fiske, bruk av vegar og utnytting av ressursar som krev samarbeid på tvers av eigedomsgrenser anten det gjeld vasskraft eller grus- og massetak.

Når for eksempel fråver av tenlege jaktvald anten øydelegg for nokon av eigarane, eller tvingar alle til urasjonell organisering av jakta, er dette eit eksempel på kva som vil falle inn under vilkåret «særlege grunnar». Det kan ikkje vere tvil om at jordskifteretten òg etter gjeldande reglar kan skipe sambruk for jakt, og gi reglar om det i område der det ikkje er sambruk i jakta frå før. Rettspraksis etter gjeldande lov er såleis relevant.

Lovforslaget § 3-8 første ledd andre punktum er ikkje ein heimel som jordskifteretten kan bruke for å endre eigedomstilhøva, for eksempel for å skipe sameige.

Jordskifteretten kan etter *første ledd tredje punktum* ordne tilhøva mellom eigar og bruksrettshavar og mellom bruksrettshavarar innbyrdes. Tredje punktum fører vidare gjeldande jordskiftelov § 33 første ledd første punktum. Jordskifteretten kan ordne bruken, for eksempel beitebruken, der det berre er ein grunneigar på den eine sida og ein bruksrettshavar på den andre. Jordskifteretten kan òg ordne bruken der fleire bruksrettshavarar brukar for eksempel beitet saman.

Etter *første ledd fjerde punktum* kan jordskifteretten mellom anna avgrense feltet for utøving av bruksrett og gi reglar om bruksmåte. Formuleringa «mellom anna» inneber at det ikkje er ei uttømmende opprekning av kva jordskifteretten kan gjere.

Heimelen i gjeldande jordskiftelov § 52 til å halde bruksordningssak for gjerde blir ikkje eksplisitt ført vidare i fjerde punktum, men bruksordning etter § 3-8 vil kunne gjelde slik sak. Jordskifteretten må i slike høve fastsetje gjerdeplikta i samsvar med gjeldande lovreglar slik det er fastsett i gjeldande jordskiftelov § 52 andre ledd.

Føresegna fangar mellom anna inn dei vanskanane det kan vere med å nytte ut areal der sand, grus, og torvmassar strekkjer seg over fleire eigedommar, og kvar eig sitt. Etter kvart som massane blir tekne ut, vil det bli slik at vidare uttak inn mot nabogrense kan øydeleggje for naboen eller tvinge fram urasjonell drift. I sin tur kan dette føre til eit uheldig landskap med attståande ryggjar som er utsette for ras, i staden for eit nytt og meir heilskapleg utforma terreng etter samla avslutta masseuttak.

Føresegna fangar òg opp vanskar knytt til felles infrastruktur. Eksempel på at slike vanskar kan løysast etter føresegner i gjeldande lov finn ein i gjeldande jordskiftelov § 35 bokstav j om vegar, parkeringsplassar, leikeplassar, grøntområde med vidare, § 43 første ledd andre punktum om vegar, § 44 første ledd om forskjellige slag

opne og lukka grøfter og kanalar, § 44 andre ledd om vatn, vassdrag og om vassleidningar og kloakkleidningar og § 52 første ledd om gjerdeplikt og deling av gjerdehald. Departementets forslag inneber at desse moglegheitene blir ført vidare.

Når det gjeld kva jordskifteretten kan gjere etter ny jordskiftelov som ein følgje av at gjeldande jordskiftelov § 35 er sløyfa, viser ein til kapittel 8.13.2.4.

*Andre ledd* fører vidare praksis etter gjeldande jordskiftelov.

*Tredje ledd første punktum* inneber ei utviding av kompetansen jordskifteretten har til å gi reglar om sambruk av eigedom. Jordskifteretten får etter første punktum kompetanse til å gi reglar om sambruk av «uteareala til eigarseksjonar». Retten kan etter første punktum ikkje gi reglar for uteareal som eigaren av ein eigarseksjon har full råderett over. Retten kan heller ikkje gi reglar for det som etter eigarseksjonslova § 6 blir rekna som fellesareal. I praksis vil det vere aktuelt å kunne gi reglar for sambruk av felles tilkomstveg, parkeringsplass, leikeareal og liknande. Etter *tredje ledd andre punktum* gjeld første og andre ledd for skiping av sambruk i uteareala til eigarseksjonar.

*Fjerde ledd* seier at jordskifteretten kan gi reglar om bruken i det samiske reinbeiteområdet der det går føre seg reindrift. Fjerde ledd fører vidare gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c punkt 3.

#### *Til § 3-9 Pålegg om felles tiltak og pålegg om felles investeringar*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om pålegg om felles tiltak og pålegg om felles investeringar i kapittel 8.14.3.

*Første ledd* gir jordskifteretten kompetanse til å påleggje partar felles tiltak og påleggje partar felles investeringar. Kompetansen gjeld i samband med bruk av eigedommar eller bruksrettar. Felles infrastruktur er eit praktisk viktig eksempel på slike tiltak.

Etter første ledd kan jordskifteretten påleggje tiltak eller investeringar som eiga sak, eller i samband med avgjerd etter lovforslaget § 3-8.

Etter gjeldande reglar er kompetansen plassert i fleire paragrafar, sjå omtalen av dette i kapittel 14.3. Det er nærare lista opp kva kompetansen går ut på i desse paragrafane. Lovforslaget bygger på paragrafane, men har fått ei generell utforming. Kompetansen til jordskifteretten etter lovforslaget fører såleis vidare den kompetansen som ligg til jordskifteretten etter gjeldande reglar, men dessutan blir kompetansen utvida. Paragrafen

byggjer mellom anna på den kompetansen retten har etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav e til å skipe sams tiltak i samband med utnytting og bruk av eigedommar, jf. gjeldande jordskiftelov § 34 a. Gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav e gir òg jordskifteretten kompetanse til å skipe tørrleggjingstiltak etter § 30 i vannressurslova. Lovforslaget § 3-9 byggjer òg på denne kompetansen. Jordskifteretten kan etter gjeldande jordskiftelov § 41 andre ledd skipe dei sams tiltaka som trengst i samband med planar. Paragrafen fører òg vidare den kompetansen jordskifteretten har etter gjeldande jordskiftelov § 42 til å «ta med i skifteplanen nødvendige investeringar». I den utstrekning taubane eller løypestreng er eit sams tiltak i jordskifteområdet, følgjer det av gjeldande jordskiftelov § 43 tredje ledd at jordskifteretten kan gjere vedtak om sams tiltak og påleggje investeringar for slik infrastruktur. Første punktum fører òg vidare denne kompetansen.

Kompetansen gjeld «Pålegg om felles tiltak og pålegg om felles investeringar». Gjeld tiltaket bruksrettar, kan tiltaket gjelde ein eigedom, men saka må gjelde for fleire bruksrettshavarar. Pålegg om tiltak eller pålegg om felles investering kan for eksempel gjelde felles infrastruktur. Tiltak eller felles investering kan mellom anna gjelde veg, vassforsyning, kloakk, teleliner, kraftforsyning, gjerde og forbygging mot naturskade. Den generelle formuleringa i lovforslaget § 3-9 første ledd er såleis meint å føre vidare dei meir spesifikke føresegnene i gjeldande jordskiftelov §§ 41 andre ledd om sams tiltak i samband med planar etter plan- og bygningslova, 43 første ledd om vegar, 44 om opne og lukka grøfter og kanalar, vassleidningar og kloakkleidningar, 52 om gjerdehald og 54 om forbyggingsarbeid eller andre tryggingstiltak mot naturskade, slik som veg, vassleidningar og så vidare.

Første ledd gjeld både nye tiltak og når jordskifteretten berre fastset at tiltaket skal endrast, for eksempel ved oppgradering av ein veg. Omgrepet «påleggje» bruker ein for å få fram at jordskifteretten kan bestemme at ein uvillig part skal vere med på ei investering.

*Andre ledd* seier at jordskifteretten òg kan påleggje felles tiltak og felles investeringar mellom reindriffta og grunneigarar eller bruksrettshavarar. Bygging av gjerde er eit eksempel på kva som fell inn under føresegna.

*Til § 3-10 Skiping av lag og fastsetjing av vedtekter. Driftsselskap*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om skiping av lag og fastsetjing av vedtekter i kapittel 8.15.3.

Jordskifteretten skipar etter gjeldande jordskiftelov § 34 b første ledd dei lag som er nødvendig for å kunne ordne bruk og sambruk innan skiftetfeltet. Ordlyden i lovforslaget § 3-10 er noko annleis enn i gjeldande jordskiftelov § 34 b, men kompetansen jordskifteretten har til å skipe lag for drift eller vedlikehald, blir ført vidare.

Etter *første ledd første punktum* kan jordskifteretten skipe lag for drift eller vedlikehald når fleire skal bruke ein eigedom eller har bruksrett til han. Jordskifteretten kan etter lovforslaget § 3-19 gjere dette når det er nødvendig ut frå avgrensinga av saka etter lovforslaget § 6-9.

Det er ikkje mogleg å gi ei generell avklaring på kva for rettsleg status eit lag som er stifta etter lovforslaget § 3-10 kan ha. Laget kan for eksempel vere eit tingsrettsleg sameige, eit liknande samrettsforhold, eller eit ansvarleg selskap. Det avgjerande er ei konkret vurdering av kva verksemd laget driv. Drifta kan variere og laget kan såleis skifte karakter.

Jordskifteretten kan skipe lag for drift eller vedlikehald når fleire skal bruke ein eigedom eller har bruksrett til han.

*Første ledd andre punktum* seier at jordskifteretten kan endre eksisterande lag. Andre punktum er ei lovfesting av praksis etter gjeldande jordskiftelov § 34 b.

*Andre ledd første punktum* seier at jordskifteretten skal fastsetje vedtekter for lag han skipar. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 34 b femte ledd første punktum der det heiter at jordskifteretten fastset vedtekter for det einskilde lag. Jordskifteretten kan gi reglar for organiseringa av laget. Reglar om bruken av eigdommen eller bruksretten blir fastsett etter lovforslaget § 3-8.

*Andre ledd andre punktum* seier at jordskifteretten skal endre eksisterande vedtekter i det omfang endringar i bruksreglar eller endringar i laget tilseier det. Andre punktum byggjer på gjeldande jordskiftelov § 34 b femte ledd første punktum.

*Tredje og fjerde ledd* fører vidare føresegnene i gjeldande jordskiftelov § 34 b tredje og fjerde ledd, om etablering av driftsselskap.

*Tredje ledd* seier at tiltak som kan innebere stor risiko, berre kan gjennomførast av eit driftsselskap. I slike høve vel parten sjølv om han vil vere med i selskapet. Det laget som jordskifteret-

ten har skipa etter reglane første ledd, tek avgjerd om gjennomføring ved fleirtalsvedtak. Jordskifteretten kan ikkje bestemme skiping av driftsselskap, og laget har heller ikkje plikt til å skipe driftsselskap. Blir driftsselskap skipa har kvar av deltakarane rett til å vere med i driftsselskapet så langt det svarar til høvetalet. I denne formuleringa ligg det at den einskilde parten kan vere med heilt eller delvis etter sitt høvetalet. Den einskilde parten kan på den andre sida velje om han vil stå utanfor driftsselskapet. Om nokon vil vere med som ikkje røysta for, skal det seiast frå så snart råd er, og seinast 3 veker etter at han har fått skriftleg melding om vedtaket med opplysning om denne fristen. Driftsselskapet skal svare vederlag for utnyttingsretten til laget, som fordeler dette til deltakarane etter høvetalet deira.

*Fjerde ledd* seier at partane, når dei er samde om det, kan gjennomføre også andre tiltak enn dei som er nemnt i tredje ledd første punktum, det vil seie tiltak utan stor risiko, ved eit driftsselskap. Tredje ledd tredje og femte punktum gjeld da tilsvarende. Føresegnene om frist, i gjeldande jordskiftelov § 34 fjerde ledd tredje og fjerde punktum, blir ikkje ført vidare. Lovforslaget §§ 6-1 andre ledd bokstav k og 6-6 gir til saman grunnlag for å setje dei fristar som er nødvendige for å få avvikla jordskiftet.

*Til § 3-11 Omskiping og avløyning av tidsavgrensa bruksrett og alltidvarande bruksrett som ikkje ligg til fast eigedom*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om tidsavgrensa bruksrett og alltidvarande bruksrett som ikkje ligg til fast eigedom i kapittel 8.16.4.

*Første ledd* gir jordskifteretten heimel til å omskipe og avløyse tidsavgrensa bruksrett og alltidvarande bruksrett som ikkje ligg til fast eigedom dersom dei hindrar ei tenleg jordskifteløysing. Paragrafen byggjer på fleire ulike føresegner i gjeldande jordskiftelov. Han byggjer mellom anna på §§ 33 første ledd første punktum, delar av 33 andre ledd andre punktum og 39 første punktum. I tillegg byggjer omskipingsomgrepet i første ledd første punktum på innhaldet i omskipingsomgrepet i servitutlova § 5.

*Første ledd første punktum* seier at jordskifteretten kan omskipe tidsavgrensa bruksrett eller alltidvarande bruksrett som ikkje ligg til fast eigedom dersom bruksretten er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing. Med «omskiping» er meint at jordskifteretten kan få bruken flytt eller nærare fastlagt, eller få rettshøve endra på annan måte. Jordskifteretten kan ved omskipinga ordne tilhøva

mellom eigarar og bruksrettshavarar og bruksrettshavarar seg imellom. Eit eksempel på kva retten kan gjere er å gi reglar for tilhøva mellom innehavarar av like rettar som for eksempel vegrett eller beiterett. Retten kan òg gi reglar for tilhøva mellom dei som er innbyrdes avhengige av forskjellige rettar over same eigedom. Eksempel på dette kan vere beiterett for forskjellige husdyr på same utmarksområde.

Med «tidsavgrensa bruksrett» er meint ein rett som er avgrensa i tid. Dette omfattar mellom anna personlege bruksrettar.

Lovforslaget bruker formuleringa «alltidvarande bruksrett som ikkje ligg til fast eigedom». Med dette er meint ein bruksrett som ikkje er tidsavgrensa. Formuleringa «ligg til fast eigedom» er forklart i merknadene til lovforslaget § 3-4 andre punktum.

Formuleringa «dersom bruksretten er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing» viser at føresegna ikkje er sjølvstendig grunnlag for eit jordskifte. Dette går òg fram av lovforslaget § 3-1 første ledd tredje punktum. Sjå merknadene til lovforslaget § 3-1.

*Første ledd andre punktum* seier at jordskifteretten kan avløyse bruksretten dersom omskiping ikkje fører fram. Andre punktum gjeld tidsavgrensa bruksrettar og alltidvarande bruksrettar som ikkje ligg til fast eigedom. Gjeldande jordskiftelov §§ 36 og 39 skil ikkje mellom reelle og personlege bruksrettar. Paragrafen i lovforslaget byggjer på dette punktet på den kompetansen jordskifteretten har etter gjeldande jordskiftelov §§ 36 og 39 første punktum til å avløyse eksisterande tidsavgrensa og alltidvarande bruksrettar.

*Andre ledd første punktum* seier at første ledd ikkje gjeld for tomtefeste eller forpakting. Slike bruksrettar er regulerte etter tomtefestelova og forpaktingslova.

*Andre ledd andre punktum* fører vidare gjeldande jordskiftelov §§ 36 andre ledd og 39 andre ledd. Det inneber at jordskifteretten ikkje kan avløyse retten samane har til å utøve reindrift etter reindriftslova i samiske reinbeiteområde.

*Til § 3-12 Avløyning av alltidvarande bruksrett som ligg til fast eigedom, og negativ servitutt*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om tidsavgrensa bruksrett og alltidvarande bruksrett som ikkje ligg til fast eigedom i kapittel 8.16.4.

Paragrafen seier at jordskifteretten kan avløyse alltidvarande bruksrett som ligg til fast eigedom eller rett til å forby enkelte slag verksemd, bruk eller tilstand (negative servituttar)

dersom retten er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing. Formuleringa «alltidvarande bruksrett som ligg til fast eigedom» er forklart i merkna-dene til lovforslaget § 3-4 andre punktum.

Med negative servituttar er i lovforslaget meint rett til å forby eigaren å disponere over bestemte ressursar på eigen grunn. Eksempel på negative servituttar er byggeforbod, forbod mot å oppføre bestemte former for byggverk, eller forbod mot å drive med ulike former for verksemd.

### *Til III Grunnlaget for jordskifteløysinga*

Reglar om kva jordskifteretten må gjere for å leggje til rette grunnlaget for jordskifteløysinga er tekne inn i lovforslaget kapittel 3 del III. Grunnlaget for jordskifteløysinga er behandla i kapitla 8.17 til 8.19.

### *Til § 3-13 Eigedoms- og bruksrettstilhøva*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om eigedoms- og bruksrettstilhøva i kapittel 8.18.3.

*Første ledd* seier at jordskifteretten skal fastsetje eigedomsrettstilhøva og bruksrettstilhøva slik dei er. Første ledd byggjer på gjeldande jordskiftelov § 16. Det er ikkje meininga å gjere noka endring i høve til innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 16. Av gjeldande jordskiftelov § 16 første ledd første punktum går det fram at jordskifteretten skal klarleggje grensene for skiftetfeltet. Jordskifteretten kan etter gjeldande jordskiftelov § 16 første ledd tredje punktum regulere grensene på den måten han meiner er mest tenleg for dei eigedommane det gjeld, dersom det ikkje er mogleg å få regulert grensene gjennom minneleg make-skifte. Jordskifteretten må etter § 16 andre ledd få grensene mellom eigedommane innbyrdes på det reine, og han må få klarlagt så nøye som råd er, eigedomstilhøve og alle rettar og tyngsler som kviler på feltet. Jordskifteretten kan dessutan etter § 16 tredje ledd om det trengst av omsyn til jordskiftet, fastsetje slike grenser som er nemnde i lov 15. mars 1940 nr. 3 om vassdragene §§ 2, 3 og 4.

Jordskifteretten skal etter lovforslaget første ledd fastsetje eigedomsrettstilhøva og bruksrettstilhøva sjølv om partane er samde om tilhøva. Det same gjeld der det er uvisse om rettstilhøva og der partane ikkje er samde (når det er tvist). Føresegna i lovforslaget § 3-16 om at jordskifteløysinga ikkje skal gå lenger enn det som er nødvendig for å bøte på dei utenlege tilhøva, avgrensar i praksis kva jordskifteretten skal fastsetje.

Om det trengst av omsyn til jordskiftet, skal jordskifteretten etter gjeldande jordskiftelov § 17

første ledd avgjere ved dom tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett eller anna innan skiftetfeltet eller med utanforståande. Etter gjeldande jordskiftelov § 17 a første ledd skal jordskifteretten, når han ikkje nyttar forma dom, nytte forma vedtak når han tek avgjerd som gjeld grenser, rettar eller plikter for ein eller fleire partar. Lovforslaget fører ikkje vidare skiljet mellom tvist og ikkje tvist når det gjeld forma på avgjerd.

Dei aktuelle avgjerdene skal etter lovforslaget alle fastsetjast ved dom.

Rettstilhøva vil i dei fleste tilfella naturleg avgrensast til å gjelde bruksrettar av ulike slag, eigedomsrett og liknande. Det er desse rettstilhøva lovforslaget, som etter gjeldande rett, gir jordskifteretten heimel til å fastsetje. Usemje som ikkje har sakleg samanheng med eigdommen eller bruksretten, kan retten ikkje avgjere. Meininga er at jordskifteretten må ta stilling til alle rettstilhøve som har noko å seie for jordskifteløysinga.

Fastsetjinga skal gjerast ved dom.

Ved oppløysing av sameige etter lovforslaget §§ 3-6 eller 3-7 følgjer det av § 3-13 første ledd at jordskifteretten skal fastsetje partshøvet. I normaltifella kan jordskifteretten på same måten som etter gjeldande jordskiftelov byggje på sameigedelen til den enkelte. Dersom ikkje sameigedelen er kjende, kan jordskifteretten for eksempel byggje på den skatteskylda kvar eigedom hadde da sameigetilhøvet mellom dei blei etablert. Er skatteskylda ukjent, kan jordskifteretten byggje på den skylda som gjaldt fram til lov 17. desember 1836. Jordskifteretten skal ikkje ta omsyn til avtak i skatteskylda. Om partane meiner at det er andre måtar å rekne ut sameigedelane på, må jordskifteretten vurdere dette.

Eigedoms- og bruksrettstilhøva slik dei er før jordskiftetarbeidet tek til er eit viktig grunnlag for å vite om saka kan behandlast, og for å skape nye eigedoms- og bruksrettstilhøve gjennom jordskifte.

Jordskifteretten kan ta omsyn til nye tilhøve som for eksempel at ein eller fleire partar har fått kjøpe tilleggsjord etter at jordskiftesaka tek til eller har fått ein ny bruksrett undervegs i saka.

Med «eigedomstilhøva og bruksrettstilhøva» er meint kven som eig kva, kva for rettar som kviler på eigedommane og kor grenser for fast eigedom og for rettar går.

*Andre ledd* seier at dersom partane er samde om heile eller delar av grunnlaget for jordskifteløysinga, kan retten byggje jordskiftet på semja om grunnlaget. Andre ledd byggjer på gjeldande jordskiftelov § 28 første ledd andre punktum og

det som står om høvet til å byggje på partane si semje.

#### *Til § 3-14 Kva jordskifteretten skal verdsetje*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om kva jordskifteretten skal verdsetje i kapittel 8.19.3.

Paragrafen gjeld ved bruk av verkemidla i lovforslaget kapittel 3. Paragrafen gjeld ikkje ved skjønn og andre avgjerder etter kapittel 5 i lovforslaget.

Med omgrepet «verdsetje» i *første ledd* er meint at jordskifteretten skal finne fram til tal eller anna uttrykk (for eksempel ein brøk) for verdet av det som går i byte ved jordskiftet. Verdsetjinga skal fange opp det som skal til for å sikre at bytet i seg sjølv ikkje får følgjer som strir mot dei grunnleggjande vilkåra for jordskifte. Verdsetjinga skal òg leggje til rette for drøftingar fram mot ei jordskifteløysing som kan bøte av for dei utenlege eigedomstilhøva. Korleis jordskifteretten skal gjere verdsetjinga går fram av lovforslaget § 3-17. Jordskifteretten skal finne fram til det relative verdtilhøvet mellom det som går i byte.

Ein part har krav på verdsetjing av både det parten kan kome til å gi frå seg, og det parten kan kome til å ta imot. I praksis vil det oftast vere slik at kravet utløyser verdsetjing av alt i jordskifteområdet som kan kome til å skifte eigar.

Etter lovforslaget § 6-19 har jordskifteretten plikt til å rettleie partane. Dette gjeld òg for deira bruk av retten til å krevje verdsetjing.

Jordskifteretten kan verdsetje sjølv om ein part ikkje har kravd det. Dersom det ikkje kjem krav frå partane, må retten av eige tiltak vurdere om verdsetjing trengst. Det er ikkje noko krav til grunngeving av kvifor retten meiner det trengst.

Kjem jordskifteretten til at verdsetjing trengst, må jordskifteretten avgrense verdsetjinga til det som trengst for å gjere bytet. Verdsetjinga skal såleis vere tilpassa dei utenlege eigedomstilhøva i jordskiftet. Vurderinga av kva som er nødvendig må knytast opp mot det som skal gå i byte, og såleis ikkje nødvendigvis heile jordskifteområdet. Vurderinga av kva som er nødvendig er ei endring i tilhøvet til gjeldande jordskiftelov § 19 andre ledd som seier at det som går i byte alltid skal verdsetjast.

*Andre ledd* seier at om jordskifteløysinga fører til at vederlag skal fastsetjast i pengar eller anna, jf. §§ 3-21 til 3-27, skal jordskifteretten fastsetje vederlaget særskilt. Slik er situasjonen òg etter praksis i dag.

#### *Til § 3-15 Korleis jordskifteretten skal verdsetje*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om korleis jordskifteretten skal verdsetje i kapittel 8.19.3.

*Første ledd* seier at jordskifteretten skal verdsetje det som går i byte ut frå pårekeleg bruk. Formålet med verdsetjinga er å lage eit grunnlag for å halde jordskiftet. Verdsetjinga ved jordskifte er ikkje eit mål i seg sjølv etter gjeldande jordskiftelov, og ho skal heller ikkje vere det etter den nye jordskiftelova.

Jordskifteretten må identifisere det arealet som skal bytast, og såleis verdsetjast. Formuleringa «ut frå pårekeleg bruk» inneber at jordskifteretten må finne fram til ei form for bruksverdi. For tomter vil verdien ut frå pårekeleg bruk i dei fleste høve bli den same som salsverdien av tomta. Første punktum fører vidare den praksis som har utvikla seg etter gjeldande jordskiftelov om at jordskifteretten skal finne fram til grunnverdien, sjå gjeldande jordskiftelov § 28 første ledd. Jordskifteretten må klarleggje og ta utgangspunkt i korleis dei aktuelle areala og bruksrettane er brukt når jordskifte finn stad.

Det skal framleis vere slik at jordskifteretten skal kunne leggje vekt på eit breitt spekter av omsyn og faktiske tilhøve. Dei faktiske opplysningane som ligg til grunn for verdsetjinga kan ha ulik karakter. Det kan vere bindande planar for arealbruken, arealbruk på tidspunktet for verdsetjinga (dyrka, skog, utmark, tomt og så vidare). Det kan òg vere storleiken på dei forskjellige teigane, arronderinga, graden av opparbeiding på areala, helling, infrastruktur, kva for bygningar som finst, hogstklassefordeling i skog og så vidare. Takstar og tilstandsrapportar av forskjellige slag kan vere ein del av meir vurderingsprega underlag for verdsetjinga.

Nokre gongar kan bygningar vere med i verdiane, andre gongar ikkje. Andre verdiar kan òg trekkjast inn, for eksempel verdien av grus. Ved reine skogskifte kan standskogen vere heilt, delvis eller ikkje med i verdiane. Det er opp til jordskifteretten å vurdere kva som skal trekkjast inn i vurderinga.

Første ledd fangar òg opp at det skal takast omsyn til at det er pårekeleg at bruken vil kunne endrast. Dette skal jordskifteretten òg gjere etter praksis som følgjer av gjeldande jordskiftelov. Jordskifteretten må gjere ei konkret vurdering av om bruksendringa er pårekeleg. Eit viktig moment i denne vurderinga er kva som er fastsett i bindande arealplanar eller om alle nødvendige løyver ligg føre, jf. lovforslaget § 3-19.

Viss jordskifteretten skipar felles tiltak eller gir pålegg om felles investeringar etter lovforslaget § 3-10, må han etter tredje ledd ta omsyn til den framtidige arealbruken som følgje av tiltaka og investeringane.

Reglane for korleis ein skal verdsetje ved byte gjeld òg for verdsetjing av dei rettane som avløy-sast etter lovforslaget § 3-12 og som erstattast med areal eller rettar.

Det er ingen formkrav knytt til sjølve verdsetjinga. Jordskifteavgjerda er sluttproduktet. Verdsetjinga er ein viktig del av dette. Det følgjer av lovforslaget § 6-23 at jordskifteavgjerder blant anna skal vise dei tilhøva som har hatt mest å seie for avgjerda og dei vurderingane retten har lagt til grunn for avgjerda. Ein følgje av dette er at jordskifteretten må gjere greie for verdsetjinga.

*Andre ledd* seier at ved verdsetjing av skog kan verdien av standskogen dragast inn i grunnlaget for jordskiftet. Omgrepet standskog famnar tre på rot utan omsyn til om dei er hoggbare. Det er opp til jordskifteretten å ta stilling til om verdien av standskogen skal dragast inn.

#### *Til IV Jordskifteløysinga*

Del IV handlar om dei avgjerdene jordskifteretten tek etter del I. Paragrafane har reglar for korleis resultata av avgjerdene kan vere. Før jordskifteretten avgjer saka, skal han etter lovforslaget § 6-21 utarbeide forslag til jordskifteavgjerd, som skal leggjast skriftleg fram for partane. Før forslag utarbeidast, skal retten gi partane høve til å uttale seg om spørsmålet. Partane skal òg få uttale seg til dei merknadene til forslaget som kjem inn. Fristen for uttale skal normalt ikkje vere kortare enn to veker. Jordskifteløysinga er omtala i kapitla 8.20 til 8.28.

#### *Til § 3-16 Avgrensing av jordskifteløysinga*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om kva jordskifteløysinga kan gå ut på i kapittel 8.21.3.

Jordskifteløysinga skal ikkje gå lenger enn det som er nødvendig for å bøte på dei utenlege tilhøva som partane har teke opp i jordskiftet. Paragrafen fører vidare den delen av gjeldande jordskiftelov § 26 første ledd første punktum som seier at jordskifteretten skal endre eigedoms- og brukstilhøva så langt han meiner det er nødvendig etter kravet. Det går fram av lovforslaget § 3-1 kva for verkemiddel jordskifteretten kan bruke for å bøte på det partane har teke opp som utenlege eigedomstilhøve slik det går fram av lovforslaget § 3-2. Det kan liggje føre krav frå fleire par-

tar. Sjølv om gjeldande jordskiftelov § 26 første ledd andre punktum ikkje blir ført vidare, er det ikkje meint å gjere endringar. Jordskifteretten må etter lovforslaget § 6-9 gjere ei sakleg og geografisk avgrensing av saka i samsvar med det eller dei krav som er reist, og som partane har fått uttalt seg til.

#### *Til § 3-17 Føresegner og løyve*

Det er gjort greie for forslaget til paragrafen om føresegner og løyve i kapittel 8.22.3.

Etter *første ledd* skal jordskifteløysinga ikkje vere i strid med bindande offentlege føresegner om arealbruk. Offentlege føresegner om arealbruk kan for eksempel vere lover, forskrifter, reguleringsplanar, arealplanar etter plan- og bygningslova, eller områdevern etter naturmangfaldlova. Det kan òg omfatte eit rammeløyve som kommunen har gitt etter plan- og bygningslova. Eit slikt rammeløyve er ein overordna plan for utbygging. Derfor er løyvet omfatta av første ledd, ikkje andre ledd. Med «bindande» meiner ein både at føresegna er gjort gjeldande, og at ho har ufråvikelege følgjer. Planane må vere lovleg vedteke, dei må gjelde både det aktuelle arealet og i det aktuelle tidsrommet.

Føresegna fører vidare gjeldande jordskiftelov § 41 første ledd i ei noko anna språkdrakt.

Etter *andre ledd første punktum* må nødvendige offentlege løyve liggje føre når jordskifteretten tek avgjerd om den endelege jordskifteløysinga. Regelen fører vidare gjeldande jordskiftelov § 20 a. Det må for eksempel liggje føre eit delings-samtykke etter jordlova for at jordskifteretten skal kunne dele ein eigedom etter lovforslaget § 3-7 i eit tilfelle der sameige skal delast opp, og eigedommen skal brukast som tilleggsjord. I mange høve er det kommunen som gir slike løyve, for eksempel byggjeløyve. I andre høve inneber jordskifteløysinga at det skal gjennomførast eit tiltak som krev løyve frå andre myndigheiter, for eksempel der det skal byggjast eit minikraftverk. Jordskifteretten har av eige tiltak ei plikt til å sjå til at nødvendige løyve er til stades.

*Andre ledd andre punktum* gjer det klart at jordskifteretten kan søkje om dei løyva som trengst for å setje i verk jordskiftet. I praksis vil jordskifteretten berre gjere dette når det er nødvendig for å få gjennomført jordskiftet.

#### *Til § 3-18 Vern mot tap*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om vern mot tap i kapittel 8.23.3.



Etter gjeldande jordskiftelov § 3 bokstav a kan ikkje jordskifte fremjast dersom kostnadene og ulempene blir større enn nytten for kvar enkelt eigedom. I gjeldande jordskiftelov er bruksrett ikkje nemnt, men paragrafen er i praksis tolka slik at han òg omfattar slike rettar. Lovforslaget byggjer på dette. Jordskifteløysinga skal ikkje føre til at kostnadene eller ulempene blir større enn nytten for nokon eigedom eller bruksrett. Dette er eit sentralt vilkår for å halde jordskifte både etter gjeldande jordskiftelov og i lovforslaget.

Formuleringa «kostnadene eller ulempene» i lovforslaget skal forståast på same måte som i gjeldande jordskiftelov § 3 bokstav a. Det er jordskifteretten som vurderer om nytten blir større enn ulempene for nokon av eigedommane eller bruksrettane. Paragrafen vil òg kunne vere ein skranke for bruk av pengar som vederlag fordi jordskifteretten ikkje kan bruke pengevederlag dersom dette fører til at kostnadene eller ulempene blir større enn nytten for eigedommen eller bruksretten. Heimlane for å bruke pengevederlag går fram av lovforslaget §§ 3-20 andre ledd, 3-21, 3-25 og 3-26.

Jordskifteretten må vurdere framtidig påreknelig bruk av eigedommar og rettar. Dette inneber mellom anna at areal og bruksrettar ikkje kan bytast på ein slik måte at moglegheitene for utvikling for nokon av dei minkar monaleg. Dette byggjer på regelen i gjeldande jordskiftelov § 51 andre ledd.

Sjølv om dette ikkje er uttrykkeleg sagt i gjeldande jordskiftelov, er det fleire tilhøve som ein etter lova kan trekkje inn i vurderinga. Når eigaren for eksempel vil leige bort ein eigedom, bør jordskifteløysinga utformast slik at eigedommen òg eignar seg til slikt formål. Dette følgjer i dag av gjeldande jordskiftelov § 29 andre ledd andre punktum som seier at eigar kan krevje at eigedommen hans blir utforma for bortleigeføremål i landbruksnæring.

Jordskifteretten skal i alle høve sjå til at mogleg framtidig verdiendring blir så lik som råd før og etter jordskiftet. Dette byggjer på gjeldande jordskiftelov § 31 andre punktum som seier at retten i alle høve skal leggje vekt på at framtidig verdiauke av eigedommane blir så lik som råd er før og etter jordskiftet. For å sikre eigedom eller bruksrett frå å tape bør såleis areal eller bruksrettar med påreknelig framtidig verdiendring, ikkje skifte eigar eller bruksrettshavar. Det same gjeld for naturressursar, bygg, anlegg og ulemper som følgjer arealet. Jordskifteretten skal i alle høve sjå til at mogleg framtidig verdiendring blir så lik som råd før og etter jordskiftet. Dette er ein del av

grunnlaget for gjeldande jordskiftelov § 31 første punktum som seier at grunn og rettar i skiftetfeltet som jordskifteretten meiner kan få stor verdiauke, ikkje bør skifte eigar eller bruksrettshavar utan at det er nødvendig for eit tenleg jordskifte. For å sikre at ingen eigedom eller bruksrett taper bør naturressursar, bygg eller anlegg som følgjer arealet heller ikkje skifte eigar eller bruksrettshavar dersom det er påreknelig at ressursane, bygningane eller anlegget vil endre verdi.

For å sikre at ingen skal li tap, kan jordskifteretten ikkje påby at nokon skal gi frå seg meir av ressursar som for eksempel sand, grus og torv enn han får att. Dette byggjer på gjeldande jordskiftelov § 56 første ledd andre punktum så langt det gjeld brenntorv og strøtorv. Vilkåret i gjeldande jordskiftelov § 56 om at skilnaden skal ha noko avgjerande å seie for eigedommen hans er ikkje ført vidare i lovforslaget.

Med formuleringa «kostnadene» er meint alle former for kostnader som fell på partane som følgje av jordskiftesaka, medrekna sakskostnadene.

Paragrafen er òg eit vern mot endringar som kan redusere panteverdien av ein eigedom eller bruksrett.

Jordskifteretten kan etter lovforslaget som etter gjeldande jordskiftelov § 56 ikkje påby at nokon skal gi frå seg meir av ressursar som sand, grus og torv enn han får att, dersom skilnaden har noko avgjerande å seie for eigedommen hans. Innhaldet i paragrafen i lovforslaget fører vidare at jordskifteretten må gjere ei slik vurdering. I lovforslaget gjeld vurderinga òg for skog på rot.

Paragrafen gir òg i nokon grad vern om rettar ein tredjemann har til eigedom. Ein slik tredjemann kan vere ein som leiger jorda, anten dette gjeld rein jordleige eller forpaktning. Det er verdien av bruksrett som er verna. Om jordskifteløysinga for eksempel fører til at avkastinga blir den same for bruksrettshavaren, blir ikkje verdien redusert. Det er den objektive verdien for bruksrettshavaren som er gitt eit vern.

Jordskifteretten kan som i dag måle ut delar av vederlaget i pengar eller andre verdier. Lovforslaget har heimlar for dette i §§ 3-20 andre ledd, 3-21, 3-25 og 3-26. Dette er unntaksreglar som berre er aktuelle dersom det ikkje let seg gjere å leggje ut eigedommane eller rettane på tenleg måte.

#### *Til § 3-19 Korleis jordskifteretten legg ut grunn og bruksrett*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om korleis jordskifteretten skal leggje ut grunn og bruksrett i kapittel 8.24.2.3.

Paragrafen gjeld den konkrete utforminga av jordskifteløysinga.

*Første ledd* seier at jordskifteretten skal leggje ut grunn og bruksrettar etter §§ 3-21 til 3-26 på tenleg måte etter grunnlaget for jordskiftet. Første ledd byggjer på gjeldande jordskiftelov § 29 første ledd. Jordskifteretten skal forme ut eigedom og bruksrettar slik grunnlaget for jordskiftet er på det tidspunktet jordskiftet blir gjennomført.

Med formuleringa «leggje ut grunn og bruksrettar», meiner ein at jordskifteretten omformar eller formar ut eigedom eller bruksrett på nytt.

Omgrepet «på tenleg måte» betyr som i gjeldande jordskiftelov, at jordskiftet skal føre til ei forbetring av bruken. Det treng ikkje føre til endring i økonomien i bruken, for eksempel betre avkasting eller færre kostnader. Sjå merknaden til lovforslaget § 3-2.

Grunnlaget for jordskifte er resultatet av dei vurderingane jordskifteretten skal gjere etter føresegnene i lovforslaget kapittel 3 del III.

*Andre ledd* seier at jordskifteretten med unntak av lovforslaget § 3-32 skal leggje ut grunn og bruksrettar i jordskifteområdet slik at kvar eigedom får att tilsvarende den verdien som eigedommen gir frå seg. Andre ledd byggjer på gjeldande jordskiftelov § 28. Etter lovforslaget § 3-14 skal jordskifteretten verdsetje det som går i byte dersom ein part krev det, eller retten meiner det strengst. Uavhengig av om jordskifteretten har verdsett, eller om partane er samde om høvetalet, skal grunn og bruksrettar i jordskifteområde leggjast ut slik at kvar eigedom får att tilsvarende den verdien eigedommen gir frå seg. Omgrepet «verdien» er vidt og skal fange opp at verkemidla i jordskifte nå gjeld både i urbane område og i landbruksområde. Omgrepet er vidare enn omgrepet grunnverdien som er brukt i gjeldande jordskiftelov § 28.

#### *Til § 3-20 Utlegging av grunn og bruksrett*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om utlegging av grunn og bruksrett i kapittel 8.24.2.3.

*Første ledd* seier at jordskifteløysinga kan gå ut på å byte grunn mot grunn, bruksrett mot bruksrett, grunn mot bruksrett, og bruksrett mot grunn. Formuleringa «byte om» byggjer på den same formuleringa som er vald i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd b. For bruksrettar er flytting òg regulert i gjeldande jordskiftelov § 33 første ledd andre punktum. Etter gjeldande jordskiftelov § 33 første ledd andre punktum kan jordskifteretten mellom anna flytte bruksretten frå ein stad til ein annan eller frå ein eigedom til ein

annan eigedom. Formuleringa «byte om» i lovforslaget dekkjer begge desse situasjonane.

Formuleringa «grunn» dekkjer areal på ein eigedom. Det arealet Finnmarkseiendommen eig, fell òg inn under formuleringa grunn i denne samanhengen. Formuleringa omfattar såleis ikkje bygningar eller for eksempel standskog.

I dei tilfella partane vil dele ein eigedom ved hjelp av jordskifteretten, har jordskifteretten slik kompetanse etter lovforslaget § 3-7.

*Andre ledd* seier at jordskifteløysinga kan gå ut på å byte om grunn eller bruksrettar mot pengar eller anna dersom det ikkje let seg gjere å leggje ut eigedommane eller bruksrettane etter første ledd. Andre ledd byggjer på gjeldande jordskiftelov § 30 andre ledd første punktum.

Formuleringa «mot pengar eller andre verdier» inneber at jordskifteretten kan bruke pengar eller andre verdier som vederlag dersom det ikkje let seg gjere å leggje ut eigedommane eller bruksrettane etter første ledd. Eksempel på ein verdi som kan brukast som vederlag er standskog, sjå omtale av standskog i merknaden til lovforslaget § 3-15 andre ledd. Det er opp til jordskifteretten å vurdere kva som er eigna verdier.

Etter lovforslaget kan pengar eller anna brukast som vederlag i større grad enn etter gjeldande jordskiftelov. Bruken av pengar eller andre verdier må vurderast i høve til vernet mot tap i lovforslaget § 3-18.

*Tredje ledd* seier at jordskifteretten kan bruke pengar for å kompensere for ulik opparbeidingsgrad. Slik bruk må òg vurderast i høve til vernet mot tap i lovforslaget § 3-18. Tredje ledd byggjer blant anna på, og er ei generalisering som utvidar gjeldande jordskiftelov § 51 første ledd.

#### *Til § 3-21 Vederlag ved overføring av anlegg til vassforsyning, kraftoverføring og liknande*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om korleis jordskifteretten skal leggje ut grunn og bruksrett i kapittel 8.24.6.3.

Vederlaget skal vere eit pengevederlag eller vederlag i andre verdier, og det skal ytast full erstatning. Har fleire nytte av jordskifteløysinga, skal vederlaget utliknast på partane etter den nytten dei har. Føresegna byggjer på gjeldande jordskiftelov § 48.

#### *Til § 3-22 Utlegging av grunn til særskilde formål*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om korleis jordskifteretten skal leggje ut grunn til særskilte formål i kapittel 8.24.3.3.

Paragrafen seier at dersom nokon part treng grunn til særskilte formål som vegar eller anna, kan han krevje dette utlagt av sin del. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 30 første ledd. Eit «særskilt formål» som fell inn under omgrepet, kan for eksempel vere areal nokon treng for å iverksetje ein plan etter plan- og bygningslova.

*Til § 3-23 Utlekking av grunn og bruksrett som kan endre verdi*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om utlegging av grunn og bruksrett som kan endre verdi i kapittel 8.24.4.3.

*Første punktum* seier at om jordskifteretten meiner at grunn og bruksrett i jordskifteområdet kan få ei utnytting som gir stor verdiendring, bør grunn eller bruksrett ikkje skifte eigar utan at det er nødvendig for eit tenleg jordskifte. Paragrafen byggjer på gjeldande jordskiftelov § 31 første punktum og på § 54 første ledd første punktum. Paragrafen dekkjer både verdiauke og verdireduksjon. I høve til verdireduksjon er regelen gjort generell.

*Andre punktum* gjeld situasjonen dersom grunn eller bruksrett likevel skiftar eigar. I slike tilfelle skal jordskifteretten sjå til at verdiendring som nemnt i første punktum blir så lik som råd er før og etter jordskiftet. Andre punktum har litt ulike formuleringar enn gjeldande jordskiftelov § 31 andre punktum, men tek sikte på å føre til det same resultatet som gjeldande regel. I tillegg er det gjort ei endring slik at jordskifteretten òg skal sjå til at mogleg framtidig verdireduksjon skal trekkjast inn i vurderinga.

*Til § 3-24 Leigeareal*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om korleis jordskifteretten skal behandle leigeareal i kapittel 8.25.3.

*Første punktum* seier at har jordskiftet noko å seie for leigar, eller annan som har liknande rett, skal jordskifteretten ordne tilhøvet mellom han og eigaren om det trengst.

*Andre punktum* seier at i utforminga av jordskifteløysinga bør jordskifteretten ta omsyn til leigetilhøve i jordskifteområdet.

Paragrafen fører vidare gjeldande jordskiftelov § 32.

*Til § 3-25 Utjamning ved overføring av standskog*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om utjammingsmåten i samband med overføring av standskog i kapittel 8.24.5.3.

*Første punktum* gir jordskifteretten heimel for å fastsetje utjammingsmåten i samband med overføring av standskog. Omgrepet standskog femner tre på rot, både små og store utan omsyn til om dei er hoggbare.

Jordskifteretten må jamne ut forskjell i standskogverdien til den enkelte part før og etter jordskiftet. Formuleringa «utjammingsmåten» tek sikte på denne situasjonen.

Formuleringa «Jordskifteretten fastset utjammingsmåten» fører vidare gjeldande jordskiftelov § 55 første ledd om at jordskifteretten er stilt fritt med omsyn til val av utjammingsmåte. Jordskifteretten bør som etter gjeldande praksis velje det alternativet partane ønskjer. Det vanlege vil da vere pengeerstatning eller hogst. Dette inneber at jordskifteretten som etter gjeldande jordskiftelov kan påby hogst som utjammingsmåte. Ved påbod om hogst, må jordskifteretten hente inn nødvendige løyve, jf. lovforslaget § 3-17. Det er ikkje meininga at paragrafen skal setje avgrensingar for at grunn òg kan brukast som vederlag for standskog. Overføring av grunn må ikkje nyttast i slikt omfang at det blir til ulempe for eigedommane det gjeld, sjå lovforslaget § 3-21 andre ledd.

Etter *andre punktum* kan jordskifteretten bruke hogst som utjammingsmåte for skog som står på areal som skiftar eigar, dersom trea eller flata er forsvarleg identifiserte. Paragrafen byggjer på gjeldande jordskiftelov § 55 andre ledd som seier at blir hogst nytta, skal jordskifteretten syte for forsvarleg merking av trea eller flata som skal hoggast, om ikkje dette går klart nok fram på annan måte.

*Til § 3-26 Vederlag ved avløyning av rettar*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om vederlag ved avløyning av rettar i kapittel 8.26.3.

*Første ledd første punktum* seier at ved avløyning av bruksrett etter §§ 3-11 første ledd andre punktum eller 3-12 skal rettshavaren til vanleg få grunn eller ein bruksrett i staden for den bruksretten som blir avløyst.

Om ein slik bruksrett er til hinder for eit tenleg jordskifte, kan jordskifteretten i prioritert rekkefølge fastsetje bruksordning, flytte bruken, eller avløyse retten. Etter første punktum skal rettshavaren til vanleg få grunn eller ein rett i staden for den retten som blir avløyst. Det er opp til

jordskifteretten å avgjere korleis den avløyste bruksretten skal erstattast. Regelen gjeld berre bruksrettar, ikkje negative servituttar.

Med omgrepet «til vanleg» er meint å vise at dette er hovudregelen. Ved avløyning av tidsavgrensa bruksrettar vil det truleg ofte vere behov for ei anna løysing. Dette er likevel opp til jordskifteretten å vurdere. I gjeldande jordskiftelov § 37 første punktum er ei tilsvarande, men noko meir detaljert løysing, lagt til grunn når jordskifteretten avløser alltidvarande bruksrettar. Til vanleg er det eit vilkår for slik avløyning at det kan leggjast ut til bruksrettshavaren ein eigedomspart med ein verdi som svarar til bruksretten, og som gir noko så nær like laglege høve til ein bruk som fyller same behov som bruksretten. Det er nytt at løysinga òg gjeld tidsavgrensa bruksrettar. For tidsavgrensa bruksrettar gjeld gjeldande jordskiftelov § 39 første ledd andre punktum der det går fram at bruksordning ikkje fører fram, og at avløyning kan gjennomførast på formålstenleg måte utan skade for nokon part.

*Første ledd andre punktum* seier at vederlaget kan vere pengar eller andre verdier dersom det er meir tenleg enn grunn eller bruksrettar. Andre punktum gjeld for dei tilfella jordskifteretten finn at første punktum ikkje høver. I slike høve får jordskifteretten heimel til å fastsetje vederlaget til pengar eller andre verdier. I gjeldande jordskiftelov § 38 er ei tilsvarande, men noko meir detaljert løysing lagt til grunn når jordskifteretten avløser alltidvarande bruksrettar. Det går fram av gjeldande jordskiftelov § 38 at om det ikkje let seg gjere å leggje ut ein eigedomspart som vederlag for bruksretten i samsvar med gjeldande jordskiftelov § 37, og ordning heller ikkje fører fram, kan avløyning likevel gjennomførast om det let seg gjere på formålstenleg måte utan skade for nokon part. Ei tilsvarande løysing finst òg for tidsavgrensa bruksrettar i gjeldande jordskiftelov § 39 første ledd tredje punktum. I slike høve kan jordskifteretten fastsetje vederlaget i jord, pengar eller andre verdier. Formuleringa i gjeldande jordskiftelov § 39 tredje punktum, «etter fritt skjøn» blir ikkje ført vidare i lovforslaget § 3-24. Det fører ikkje til nokon realitetsendring i kva jordskifteretten kan leggje vekt på, og korleis han kan vekte dei ulike omsyna.

*Andre ledd* seier at ved avløyning etter §§ 3-11 første ledd andre punktum eller § 3-12 kan vederlaget ikkje setjast lågare enn det retten er verd for rettshavaren. Andre ledd gjeld alle typar rett, både bruksrettar og negative servituttar. Vederlaget kan vere grunn, pengar eller andre verdier. Det er eit absolutt vilkår for avløyning at retten er

til hinder for ei tenleg jordskifteløysing og at ingen part lir tap. For grunneigaren betyr dette at verdien av samla vederlag ikkje må vere større enn verdien av å bli kvitt retten. For rettshavaren betyr det at han skal få full erstatning for verdien av retten.

#### *Til § 3-27 Omsyn ved pålegg om felles investeringar etter § 3-9*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om omsyn ved pålegg om felles investeringar i kapittel 8.27.3.

Paragrafen seier at jordskifteretten skal leggje vekt på den framtidige utnyttinga av eigedommane, men han skal òg ta omsyn til dei økonomiske evnene partane har når det gjeld kva for investeringar som kan påleggjast etter lovforslaget § 3-9. Lovforslaget fører vidare utgangspunktet i gjeldande jordskiftelov § 42 andre ledd om at det er omsynet til framtidig utnytting av eigedommane som skal vege tyngst ved vurderinga av kva slags investeringar som kan påleggjast. Den økonomiske situasjonen til partane kjem i andre rekkje. Formuleringa «dei økonomiske evnene partane har» dekkjer som etter gjeldande jordskiftelov likviditet og lønnsemd for partane.

#### *Til § 3-28 Fordeling av kostnader*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om fordeling av kostnader i kapittel 8.28.3.

*Paragrafen* seier at retten skal dele kostnader med det enkelte investeringstiltaket etter nytten kvar part har av tiltaket. At investeringskostnadene skal delast slik byggjer på tilvisinga i gjeldande jordskiftelov § 34 b andre ledd til gjeldande jordskiftelov § 42 tredje ledd. Partane har etter praksis i dag plikter og rettar etter det partshøvet dei går inn i samarbeidet med. Etter lovforslaget § 3-29 vil ansvaret kvar deltakar har overfor tredjemann ikkje nødvendigvis samsvare fullt ut med den nytten kvar deltakar har av investeringa. Dette skil seg frå ansvaret for kostnader etter nytte i andre punktum. I praksis synest likevel dei to omgrepa tolka likt. Det er ikkje meint å gjere endringar i dette.

#### *Til § 3-29 Ansvar for gjeld*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om ansvar for gjeld i kapittel 8.28.3.

Paragrafen seier at når jordskifteretten skipar lag etter § 3-10, svarar kvar av deltakarane i laget overfor tredjemann etter partshøvet i laget.

Formuleringa «etter partshøvet i laget» viser at kvar deltakar berre er ansvarleg for ein del av den samla gjelda laget har. Partshøvet avgjer kor stort dette ansvaret er for kvar av dei.

Paragrafen fører vidare innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 34 b andre ledd der det går fram at kvar av deltakarane i laget svarar i høve til tredjemann etter sitt høvetal.

#### *Til V Fordeling av planskapt netto verdiauke*

Fordeling av planskapt netto verdiauke er ein eigen sakstype. Lovforslaget kapittel 3 del I til III gjeld ikkje for sak etter denne delen. Sak om fordeling av planskapt netto verdiauke kan behandlast av jordskifteretten i samband med andre sakstypar som jordskifteretten har heimel til, anten det gjeld sak etter kapittel 3, 4 eller 5 i lovforslaget. Sjølv om saka blir behandla i samband med ein annan sakstype, vil fordelingssaka kunne avsluttast for seg, sjå lovforslaget § 6-20.

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om fordeling av planskapt netto verdiauke i kapittel 8.29.3.1 og 8.29.3.2.

#### *Til § 3-30 Kompetansen jordskifteretten har*

Paragrafen byggjer på den kompetansen jordskifteretten har til å halde jordskifte etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav h.

*Første punktum* seier at jordskifteretten kan fordele planskapt netto verdiauke mellom eigedommar som er omfatta av ein reguleringsplan.

Jordskifteretten har heimel til å fordele slik planskapt netto verdiauke utan omsyn til om det skjer eit jordskifte samstundes.

Oppgåva til jordskifteretten etter første punktum er å «fordele» planskapt netto verdiauke i reguleringsplanområdet. Jordskifteretten skal fordele planskapt netto verdiauke frå eigedommar som har ein planskapt netto verdiauke til eigedommar som ikkje har planskapt netto verdiauke, men som har areal som går inn under planen. Det same gjeld om ein eigedom har stor planskapt netto verdiauke medan ein annan har noko mindre planskapt netto verdiauke. I mange høve skal eigedom med liten eller ingen planskapt netto verdiauke nyttast til felles tiltak som må til for å iverksetje planen. Det kan dreie seg om ulike typar felles tiltak som for eksempel veg, parkbelte, areal til teknisk infrastruktur, skiløyper eller tursti.

Areala i planen kan vere regulerte til ulike formål som for eksempel byggjetomter av ulike slag, eller til parkområde, parkering eller veg. Desse areala har som følge av dei ulike planformåla, ulik

verdi. «Planskapt netto verdiauke» betyr at det er sjølve planen som løyser ut verdiauken for eigedommane. Planskapt netto verdiauke er differansen mellom planskapt verdiauke og kostnader knytt til eventuelle tiltak som følgjer av planen. Denne differansen må vere positiv, han må vere større enn null. Ved vurderinga av kva den planskapt netto verdiauken er, må òg kostnadene til å halde saka, trekkjast inn. Som etter gjeldande jordskiftelov § 81 første ledd, vil partane berre kunne trekkje inn kostnader til advokat dersom det er tvist.

Ordet «verdiauke» er nytt i høve til gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav h som bruker «arealverdiar», og heller ikkje det same ordet som er brukt i gjeldande jordskiftelov § 28 tredje ledd (verdauk). Ordbruken inneber inga realitetsendring i høve til gjeldande rett.

Jordskifteretten kan fordele verdiauken i planområdet mellom eigarane. Dei som berre har bruksrettar, får ikkje del av verdiauken.

*Andre punktum* fastset at fordelinga kan gjerast dersom planmyndigheita med heimel i plan- og bygningslova § 12-7 nr. 13 i reguleringsplanen har gitt føresegn om at planskapt verdiauke skal fordelast. Punktumet lovfestar praksis etter gjeldande reglar om fordeling av planskapt verdiauke.

Det går fram av *tredje punktum* at planmyndigheita i reguleringsplanen må ha fastsett den geografiske avgrensinga av området for fordeling. Sjø merknad til forslaget til endringar i plan- og bygningslova § 12-7 nr. 13.

#### *Til § 3-31 Korleis jordskifteretten skal verdsetje*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om korleis jordskifteretten skal verdsetje i kapittel 8.29.3.3.

*Første punktum* seier at jordskifteretten skal verdsetje samla planskapt netto verdiauke i området for fordeling. Planskapt netto verdiauke er omtala i merknad til lovforslaget § 3-30. Første punktum fører vidare omgrepet «netto verdiauke» i gjeldande jordskiftelov § 29 a, og skal tolkast på same måten etter ny lov.

*Andre punktum* seier at jordskifteretten skal fastsetje dei delane som kvar enkelt eigar skal ha av verdiauken. Jordskifteretten skal da fastsetje ein brøk eller annan liknande fordelingsnøkkel til bruk for sjølve fordelinga av verdiauken. Andre punktum byggjer på gjeldande jordskiftelov § 28 tredje ledd.

*Tredje punktum* seier at for å finne fram til kva kvar eigar skal ha, skal jordskifteretten verdsetje alle eigedommane i området for fordeling ut frå

dei eigenskapane eigedommane har til utbyggingsformål. Det skal jordskifteretten gjere uavhengig av kva som går fram av reguleringsplanen. Alt areal innanfor området for fordeling, skal vurderast på denne måten, og med dei same føresetnadene. Tredje punktum fører vidare gjeldande jordskiftelov § 28 fjerde ledd første punktum. Tillegget i ordlyden «uavhengig av kva som går fram av reguleringsplanen» er teke inn av informative omsyn, og er ikkje meint å føre til endring av praksis.

*Til § 3-32 Korleis jordskifteretten skal fordele planskapt netto verdiauke*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om korleis jordskifteretten skal fordele planskapt netto verdiauke i kapittel 8.29.3.4.

*Første ledd* seier at jordskifteretten skal fordele planskapt netto verdiauke slik at kvar eigar får den delen av den planskaptede netto verdiauken som følgjer av lovforslaget § 3-31 andre punktum. Føresegna fører til at dei planskaptede verdiforskjellane blir jamna ut mellom eigarane. Korleis utjamninga skal skje, følgjer av andre og tredje ledd. Løysinga i første ledd er i samsvar med løysinga slik ho er i gjeldande jordskiftelov. I gjeldande jordskiftelov kjem dette likevel ikkje til uttrykk i ei eiga føresegn. Når verdiforskjellane blir jamna ut, betyr det at fordelinga er ei overføring av planskapt netto verdiauke frå ein eigar av ein eigedom med utbyggingsareal til ein annan eigar med eigedom som ikkje har slikt areal. Verdiforskjellane kan òg jamnast ut ved at fordelinga er ei overføring av planskapt netto verdiauke frå ein eigar av ein eigedom som etter planen har fått høg utnyttingsgrad til ein eigar med eigedom som har lågare utnyttingsgrad.

*Andre ledd første punktum* seier at jordskifteretten ved fordeling etter første ledd, så langt råd er, skal tildele utbyggingsrettar på eller inntil eigen eigedom. Føresegna byggjer på gjeldande jordskiftelov § 29 a der det går fram at jordskifteretten kan leggje ut utbyggingsrettar på eller inntil eigen eigedom. Det er ikkje meininga at endringa frå å «leggast ut» til å «tildele» skal endre meiningsinnhaldet i føresegna.

I Ot.prp. nr. 78 (2004–2005) som ligg til grunn for gjeldande jordskiftelov § 29 a, er det mellom anna uttalt følgjande om utlegging og tildeling av utbyggingsrettar:

«Første ledd gir parter, som har en netto verdiandel, jf. § 28 andre ledd og tredje ledd første punktum, som får tildelt en eller flere hele

utbyggingsretter, rett til å få disse utlagt på en nærmere bestemt måte. «Så langt råd er» skal utbyggingsrett utlegges på egen eiendom eller inntil egen eiendom. Et vilkår for at en kan få tildelt utbyggingsrett på egen eiendom er at vedkommande reguleringsplan eller bebyggelsesplan forutsetter slik arealutnyttelse på den bestemte eiendommen. Dersom dette vilkåret ikke er oppfylt vil vedkommende få tildelt sine rettigheter, tomter, på andre eiendommer. Jordskifteretten skal da, «så langt råd er» legge den inntil egen eiendom. «Så langt råd er» åpner for at jordskifteretten kan utøve nødvendig skjønn i tilknytning til hvilke eiendom utbyggingsretten skal legges til. Det vil være behov for skjønn bl.a. når to eller flere eiendommer har samme geografiske nærhet til en utbyggingsrett. Det samme gjelder når tildelingen forutsetter spesielt kostnadskrevende fellestiltak mv.

Det er kommunen som legg ut utbyggingsretter, tomter i reguleringsplan eller bebyggelsesplan. Jordskifteretten forestår verdsettingen og tildelingen av tomtene. Jordskifteretten er òg delingsmyndighet, jf. kap.10. Når vilkåret om å få tildelt en eller flere tomter er oppfylt, regulerer paragrafens første ledd hvor de berettigede skal få tildelt tomt.

Andre ledd er en prioritetsregel for de tilfeller at flere eiendommer får andeler i en utbyggingsrett. Den eiendom som har størst andel i retten, kan kreve å få den utlagt i henhold til bestemmelsene i første ledd. Dersom den som har størst andel ikke gjør krav på dette, får den som har nest størst andel slik rett også vidare.

Tredje ledd er en oppløsningsrett for de tilfeller flere eiere får andel i utbyggingsretten. Jordskifteretten kan, dersom partene er enige, oppløse det personlige sameiet. Jordskifteretten vil da overføre eiendommen til eneeie. Dette skjer ved at utbyggingsretten overføres mot et pengevederlag fastsatt av jordskifteretten som del av saken. Jordskifteretten vil være delingsmyndighet, jf. lovens kap. 10.»

Utbyggingsretten er i seg sjølv ein rett til å byggje ut eit nærare definert areal etter reguleringsplanen. Det er ikkje nokon rett til å få utlagt ei tomt. Utbyggingsretten vil i nokre høve liggje på eigen eigedom, i andre høve liggje på framand eigedom.

Sitatet frå førearbeida viser at det etter gjeldande jordskiftelov er kommunen som legg ut utbyggingsrettar eller tomter i reguleringsplanen. Som etter gjeldande jordskiftelov er det meininga at jordskifteretten skal kunne tildele utbyg-

gingsrettar til eigarar innanfor området for fordeling etter lovforslaget § 3-30 fjerde punktum.

Han eller ho som får tildelt utbyggingsretten av jordskifteretten, får ikkje samstundes nokon plikt til å byggje ut. Jordskifteretten kan berre tildele utbyggingsrett på eit areal som er regulert til bygging og anlegg etter plan- og bygningslova, men utbygging kan skje til alle byggeformål som fell inn under plan- og bygningslova § 12-8 nr. 1.

Som etter gjeldande jordskiftelov § 29 a første ledd, må jordskifteretten etter lovforslaget så langt råd er, leggje utbyggingsretten på eller inntil eigen eigedom. Formuleringa «så langt råd er» betyr at utbyggingsretten ikkje nødvendigvis må liggje på eller inntil eigen eigedom. Føresegna opnar for at utbyggingsretten kan liggje i nokon avstand frå eigen eigedom, sjå sitatet frå Ot. prp. nr. 78 (2004–2005) over.

Andre ledd *andre punktum* seier at når ein part får tilelt ein utbyggingsrett som ikkje ligg på eigen eigedom, følgjer eigedomsretten den tomte som utbyggingsretten gjeld. Det betyr at den som har utbyggingsrett, òg får eigedomsrett til tomte. Dette er ei lovfesting av løysinga slik ho er i dag, utan at det kjem klart fram av gjeldande jordskiftelov eller førearbeida til lova.

*Tredje ledd første punktum* seier at dersom planskapt netto verdiauke berre utgjer ein del av ein utbyggingsrett, har delhavarane med størst del av utbyggingsretten rett til å krevje heile utbyggingsretten tildelt seg. Føresegna er ein prioriteringsregel for dei tilfelle der fleire eigarar får delar av ein utbyggingsrett. Den eigedommen som har størst del av retten kan krevje å få tildelt heile utbyggingsretten. Dersom den som har størst del ikkje krev å få overta heile utbyggingsretten, får den som har nest størst del i utbyggingsretten, rett til å overta heile utbyggingsretten og så vidare. *Tredje ledd første punktum* fører vidare gjeldande jordskiftelov § 29 a andre ledd.

*Tredje ledd andre punktum* seier at om ingen av delhavarane krev utbyggingsretten tildelt til seg, blir tomte utbyggingsretten gjeld, eit sameige mellom delhavarane. Reglane om fordeling i gjeldande lov byggjer på at tomte utbyggingsretten gjeld for blir eit sameige mellom delhavarane, sjå Ot.prp. nr. 78 (2004–2005) side 45.

*Tredje ledd tredje punktum* seier at om delhavarane tek over i medhald av første punktum, skal delhavarar med mindre del av utbyggingsretten få oppgjer for planskapt netto verdiauke i pengar. Regelen byggjer på gjeldande jordskiftelov § 29 a tredje ledd.

#### *Til VI Fare for naturskade*

##### *Til § 3-33 Fare for elvebrot, skred, sandfok og liknande*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om fare for elvebrot, skred, sandfok og liknande i kapittel 8.30.3.

*Første ledd* fører vidare gjeldande jordskiftelov § 54 første ledd. I første ledd er omgrepet «skifteplanen» bytt ut med omgrepet «jordskifteløysinga». *Andre ledd* fører vidare gjeldande jordskiftelov § 54 andre ledd. Ordlyden i siste punktum er endra slik at tilvisinga til reglane om saksbehandling er tilpassa lovforslaget.

#### *Til VII Andre reglar om jordskifte*

Del VII inneheld nokre reglar om jordskifte som det ikkje er naturleg å plassere i dei førre delane.

##### *Til § 3-34 Reglar for bruken av jordskifteområdet*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om reglar for bruken av jordskifteområdet i kapittel 8.31.3.

*Første ledd* seier at jordskifteretten kan fastsetje reglar for bruken av eigedommane i jordskifteområdet frå det tidspunktet saka etter lovforslaget § 6-19 første ledd ikkje lenger kan trekkjast utan samtykke frå jordskifteretten, og fram til jordskiftet er gjennomført. Første ledd byggjer på den delen av gjeldande jordskiftelov § 60 første ledd som seier at «For tida frå jordskiftet blir slutta til det er sett i verk, kan jordskifteretten gi reglar for bruken ...» og den delen i gjeldande jordskiftelov § 60 første ledd som seier «i samsvar med reglane i § 23». Første ledd i gjeldande jordskiftelov § 23 seier at «For den tida jordskiftet varer, kan jordskifteretten gi reglar for bruken eller leggje slike band på bruken av skiftefeltet som retten finn tenleg av omsyn til jordskiftet».

Meininga er å føre vidare dei reglane som er nemnde i avsnittet over slik at jordskifteretten har eit verkemiddel for å få gjennomført jordskiftet på ein tenleg måte. Jordskifteretten skal som etter gjeldande jordskiftelov kunne gi reglar for bruken eller leggje band på bruken frå det tidspunktet saka ikkje lenger kan trekkjast, og fram til jordskiftet er slutta. Slike reglar kan òg gjelde for eit leigd areal sjølv om den som leiger arealet har ein annan eigedom som ikkje er del av jordskifteområdet. Jordskifteretten kan i nokre tilfelle gi reglar med heimel i lovforslaget § 3-11. I andre tilfelle er dette ikkje praktisk og jordskifteretten har i § 3-35 kompetanse til å gi mellombelse reglar for eit leigd areal som for eksempel berre gjeld for eitt år

medan jordskiftet går føre seg. Etter gjeldande reglar kan jordskifteretten gi bruksreglar frå tidspunktet det blir fastsett at saka skal fremjast. Når saka er fremja etter gjeldande reglar, kan ho som eit utgangspunkt ikkje lenger trekkjast av ein part. Lovforslaget inneber såleis inga realitetsendring når det gjeld tidspunktet for frå kva tidspunkt jordskifteretten kan fastsetje reglar.

Dersom ein part ikkje følgjer reglane som jordskifteretten har fastsett, og dette fører til kostnader for minst ein annan part, kan jordskifteretten leggje kostnadene knytt til enkelte eigedommar eller partar på dei som har ansvar for desse kostnadene, jf. lovforslaget § 7-7 andre ledd.

Jordskifteretten skal òg som etter gjeldande jordskiftelov § 60 første ledd kunne gi reglar for bruken frå jordskiftet blir slutta til det blir sett i verk. Etter gjeldande jordskiftelov § 95 kan brot på reglane òg følgjast opp i form av straff. Heimelen for straff er foreslått oppheva, men brot på reglane kan føre til eit krav om erstatning som kan setjast fram for tingretten. Om ein part ikkje følgjer opp dei pliktene han har etter reglane jordskifteretten har gitt, kan dei andre partane som er råka av dette, ta saka opp etter tvangslova fordi jordskifteavgjerda er eit tvangsgrunnlag etter tvangslova § 4-1 andre ledd bokstav a.

Formuleringa i lovforslaget «frå det tidspunktet saka ikkje lenger kan trekkjast, og fram til jordskiftet er gjennomført» fangar såleis opp den kompetansen jordskifteretten har i gjeldande jordskiftelov §§ 23 og 60 til å gi reglar for bruken.

I gjeldande jordskiftelov § 23 første ledd står det at jordskifteretten kan gi dei reglane «som retten finn tenleg av omsyn til jordskiftet». Dette vilkåret er etter gjeldande jordskiftelov § 23 første ledd knytt til kompetansen jordskifteretten har til å gi reglar frå vedtaket om fremjing til jordskiftet er slutta (så lenge jordskiftet varer). Formuleringa blir ikkje ført vidare, men meininga er ikkje å gjere noka endring i kompetansen jordskifteretten har til å gi reglar frå det tidspunkt saka ikkje lenger kan trekkjast og fram til saka er slutta. Meininga er at reglane må vere tenlege av omsyn til jordskiftet slik det er i dag.

*Andre ledd første punktum* seier at den som må avstå frå bruk som følgje av avgjerd etter første ledd har krav på vederlag. Andre ledd første punktum byggjer på gjeldande jordskiftelov § 23 andre ledd, og gjeldande jordskiftelov § 60 første ledd. Formuleringa «den som må avstå frå bruk» fangar opp den som lir tap som følgje av at han ikkje får bruke arealet sitt medan jordskiftesaka blir behandla. Formuleringa dekkjer òg den som ikkje får bruke arealet han har blitt tildelt gjennom jord-

skiftet frå jordskiftesaka er slutta fram til jordskifteløysinga blir sett i verk.

*Andre ledd andre punktum* seier at jordskifteretten fastset vederlaget. Det er ikkje lenger noko krav om at jordskifteretten skal fastsetje vederlaget ved skjønn, jf. løysinga som går fram i gjeldande jordskiftelov § 23 andre ledd. Avgjerda er ei jordskifteavgjerd, sjå lovforslaget § 6-22 fjerde ledd bokstav e) der dette går uttrykkeleg fram. Det er ikkje meininga å gjere endringar i korleis jordskifteretten skal måle ut vederlaget.

*Tredje ledd* seier at dersom jordskifteretten har gitt reglar om bruk etter første ledd, skal dei som har nytte av avgjerda, bere kostnadene etter nytte. Lovforslaget byggjer på den delen av gjeldande jordskiftelov § 23 andre ledd som seier at jordskifteretten skal utlikne vederlaget etter reglane i gjeldande jordskiftelov kapittel 8 (jordskiftekostnadene). Fjerde ledd gjeld berre for fastsetjing av kostnader fram til jordskiftesaka er slutta. Lovforslaget har ein noko annleis ordlyd enn gjeldande jordskiftelov. Lovforslaget trekkjer nå eksplisitt inn at utgifta skal leggjast på dei som har nytte av avgjerda.

Lagmannsretten kan fastsetje mellombelse reglar for den tida det tek å behandle anken anten det er anka over dei mellombelse reglane, eller anken gjeld den endelege jordskifteløysinga. Dette følgjer av lovforslaget §§ 8-1 tredje ledd og 8-10 tredje ledd. Lagmannsretten kan òg fastsetje slike reglar om det er anka til Høgsterett, sjå lovforslaget § 8-13 andre ledd.

#### *Til § 3-35 Skiping og oppmåling av nye matrikkeleiningar*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om korleis jordskifteretten skipar og måler opp nye matrikkeleiningar i kapittel 8.32.3.

*Første ledd* seier at jordskifteretten kan skipe nye matrikkeleiningar etter matrikkellova § 10 femte ledd, og slå saman matrikkeleiningar i samsvar med matrikkellova § 18 og forskrifter gitt med heimel i matrikkellova. Paragrafen byggjer på gjeldande jordskiftelov §§ 29 siste ledd og 86. Med omgrepet «skipe» er meint det same som omgrepet «oppretting» i matrikkellova. Matrikuleringa må gjerast av matrikkelføraren. Heimelen jordskifteretten har til å slå saman matrikkeleiningar følgjer av tilvisinga til matrikkellova § 18 og matrikkelforskrifta. Av matrikkelforskrifta § 43 går det fram at det er jordskiftedommar som avgjer om vilkåra for å slå saman er tilstades i saker for jordskifteretten. Etter matrikkelforskrifta § 43 nr. 6 er det i samband med sak for



jordskifteretten jordskiftedommaren som avgjer om vilkåra for å slå saman, er oppfylte. Jordskifteretten sender melding om dette til kommunen. Rekkefølga ved matrikkelføring og tinglysing av samanslåing og oppretting av ny matrikkeleining i matrikkelen, går fram av forskrift etter matrikkellova. Sjå lovforslaget § 9-7 nr. 20 forslag til endring i matrikkellova § 24 sjette og sjuande ledd.

*Andre ledd første punktum* seier at jordskifteretten skipar og måler opp ny matrikkeleining som inngår i sak for jordskifteretten, om ikkje jordskifteretten fastset noko anna.

Med formuleringa «Jordskifteretten skipar og måler opp ny matrikkeleining» er meininga å føre vidare den delen av gjeldande jordskiftelov § 86 første ledd andre punktum som seier at det er jordskifteretten som alltid skal gjere slik oppmålingsforretning som ei offentleg jordskiftesak fører med seg. Den eksklusive kompetansen jordskifteretten har, blir såleis ført vidare.

*Andre ledd andre punktum* seier at reglane i matrikkellova gjeld så langt dei høver for den måletekniske gjennomføringa. Dette går òg fram av matrikkellova § 33 femte ledd som seier at oppmålingsforretning for areal som inngår i sak for jordskifteretten, skal utførast av jordskifteretten etter reglane i jordskiftelova med mindre jordskifteretten bestemmer noko anna. Andre punktum gjeld «den måletekniske gjennomføringa» slik dette er forstått i praksis.

#### *Til § 3-36 Frist for iverksetjing av avgjerd*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om frist for iverksetjing av avgjerd i kapittel 8.33.3.

Paragrafen seier at jordskifteretten i samsvar med lovforslaget § 6-27 skal setje dei fristane som trengst for å setje i verk avgjerd etter kapittel 3. Plikta til å fastsetje fristar i gjeldande jordskiftelov § 59 blir ført vidare. Det same gjeld kompetansen for jordskifteretten til å forlenge fristen etter søknad. Fristreglane er nærare omtala i merknaden til lovforslaget § 6-27.

#### *Til § 3-37 Sperretid for nytt jordskifte*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om sperretid for nytt jordskifte i kapittel 8.34.3.

Paragrafen fører vidare gjeldande jordskiftelov § 4 første, andre, tredje og femte ledd.

*Første ledd* seier at det som før har vore under jordskifte etter lovforslaget §§ 3-4 til 3-12 eller jordskifte etter tidlegare jordskiftelov, ikkje kan takast opp til ny jordskiftebehandling før ti år etter at førre jordskifte var rettskraftig avgjort. Første

ledd byggjer på gjeldande jordskiftelov § 4 første ledd, men formuleringa i lovforslaget tek utgangspunkt i tidspunktet for rettskraftig avgjerd etter tvistelova § 19-14.

*Andre ledd første punktum* seier at det også er ein frist på ti år for behandling av nytt krav dersom jordskifte er nekta fordi vilkåra i lovforslaget §§ 3-2, 3-3, 3-18 eller 3-19 ikkje var oppfylte. Det går fram av *andre ledd andre punktum* at om vilkåra er oppfylte på eit seinare tidspunkt, kan nytt krav om jordskifte takast opp til behandling utan omsyn til tiårsfristen. Andre ledd byggjer på gjeldande jordskiftelov § 4 andre ledd.

*Tredje ledd* seier at det som tidlegare har vore under jordskifte, kan utan hinder av fristen i første ledd, takast med i jordskifteområdet når jordskifteretten i ny jordskiftesak utvidar saka etter lovforslaget § 6-9 fjerde ledd. Tredje ledd byggjer på gjeldande jordskiftelov § 4 tredje ledd så langt som denne viser til gjeldande jordskiftelov § 25. I gjeldande jordskiftelov § 4 tredje ledd er det òg vist til § 16 som gir jordskifteretten kompetanse til i visse høve å regulere grenser mot nabo. Denne heimelen er foreslått fjerna. Det er derfor ikkje grunn til å føre tilvisinga vidare i lovforslaget.

*Fjerde ledd* seier at første ledd ikkje gjeld når for eksempel skred, elvebrot, anlegg av offentlege vegar, eller kjøp av tilleggsjord gjer at det ikkje lenger er naturleg å sjå området som tidlegare skifta.

#### *Til Kapittel 4 Rettsutgreiing og grensefastsetjing og anna*

##### *Til § 4-1 Rettsutgreiing*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om rettsutgreiing i kapittel 9.3.

Rettsutgreiing etter § 4-1 er fastsetjing av eigedoms- og rettsstilhøve knytt til fast eigedom som eiga sak.

Gjeldande jordskiftelov § 88 a har reglar om kven som kan krevje rettsutgreiing. Reglane om kven som kan krevje rettsutgreiing går etter lovforslaget fram av § 1-5.

Paragrafen gjeld kompetansen jordskifteretten har til å gjere rettsutgreiing som «eiga sak». Jordskifteretten skal som i dag kunne fastsetje innhaldet i rettar og eigedomstilhøve òg når fastsetjinga ikkje er del av eit jordskifte. I eit jordskifte skal jordskifteretten etter lovforslaget § 3-13 første punktum fastsetje grenser, eigedomsrett, bruksrett og andre rettsstilhøve slik dei er.

Formuleringa «kan fastsetje» skal forståast på same måte som tilsvarende formulering i gjeldande jordskiftelov § 88 a. Det inneber mellom

anna at jordskifteretten kan fastsetje delingsgrunnlaget for ulike slag bruk dersom formålet med bruken er klart. Omgrepet «eigedom» er brukt i gjeldande jordskiftelov § 88 a. Lovforslaget § 4-1 brukar formuleringa «eigedomstilhøve». Meiningsinnhaldet skal vere det same som i gjeldande jordskiftelov § 88 a.

Jordskifteretten kan fastsetje «innhaldet i rettar og eigedomstilhøve». Formuleringa «innhaldet» er brukt for å få fram at jordskifteretten ikkje som eiga sak skal kunne fastsetje kven som er eigar. Det kan jordskifteretten likevel gjere ved dom i jordskifte, sjå lovforslaget § 3-13 første punktum. Gjeld kravet spørsmål i eit personleg sameige, kan jordskifteretten fastsetje for eksempel kor mange sameigarar sameiget består av og kor stor part kvar sameigar har i sameiget. I eit realsameige kan jordskifteretten for eksempel avgjere kva for eigedommar som er medeigarar og parten den enkelte har. Det følgjer av formuleringa «eigedomstilhøve».

I gjeldande jordskiftelov § 88 a er omgrepet «bruksrettstilhøva» brukt medan omgrepet «rettar» er brukt i lovforslaget § 4-1. Omgrepet «rettar» fangar opp det som ligg i omgrepet «bruksrettstilhøva» i gjeldande jordskiftelov § 88 a. «Rettar» fangar vidare opp negative servituttar, tidsbestemte og evigvarande bruksrettar, personlege bruksrettar og bruksrettar som ligg til bruk. Når omgrepet «alltidvarande» i gjeldande jordskiftelov § 88 a ikkje blir ført vidare, gjeld lovforslaget § 4-1 både tidsbestemte og alltidvarande rettar.

Kven som har kravskompetanse, går fram av lovforslaget § 1-5. I formuleringa «Jordskifteretten kan» ligg det ikkje ein valfridom for jordskifteretten. Jordskifteretten må behandle spørsmålet om rettsutgreiing når det krevst, og vilkåra for å behandle saka elles er oppfylde.

Bokstav a gjeld sameige, og fører vidare gjeldande rett. Heimelen omfattar blant anna ulike typar realsameiger, og realsameige som ikkje fell inn under definisjonen jordsameige i matrikkellova.

Bokstav b gjeld område der det er sambruk mellom eigedommar eller uklart om det er sambruk. Bokstav b famnar dei tilfella der det er sambruk mellom eigedommar slik gjeldande jordskiftelov § 88 a og gjer. I spesialmerknad til lovforslaget § 3-8 blir det gjort greie for kva som er sambruk. Etter bokstav b kan jordskifteretten og gjere rettsutgreiing dersom det er «uklart om det er sambruk». Både den som pretenderer sambruk, og grunneigar som meiner det ikkje er sambruk, kan krevje sak om rettsutgreiing. At grunneigar

som meiner det ikkje er sambruk kan krevje sak om rettsutgreiing, er nytt.

Etter bokstav c kan jordskifteretten fastsetje innhaldet i rettar og eigedomstilhøve ved registrering av uregistrert jordsameige. Ein god del av desse er gamle sameige som har oppstått ved ufullstendig gard- eller eigedomsdeling og som ikkje er registrerte i matrikkelen. Ved registrering av uregistrert jordsameige, må jordskifteretten klarleggje kven som har del i sameiga, og kor stor del den enkelte har. Bokstav c fører vidare gjeldande rett.

Bokstav d gjeld samisk reinbeiteområde der det går føre seg reindrift. Formuleringa som er nytta er noko annleis enn den som er brukt i gjeldande jordskiftelov § 88 a, men meiningsinnhaldet er det same. Sjå nærare om kva jordskifteretten kan fastsetje i kapittel 9.3 og i Ot.prp. nr. 28 (1994–1995).

Bokstav e gjeld område der det er sambruk av uteareal som ligg til eigarseksjonar. Innhaldet i bokstav e i forslaget, inneber at jordskifteretten får ny kompetanse. Omgrepet sambruk famnar område for fellesaktivitetar som for eksempel parkeringsplass, leikeplass eller grillplass.

#### *Til § 4-2 Grensefastsetjing*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om grensefastsetjing i kapittel 10.1 til 10.9.

Grensefastsetjing er fastsetjing av grense etter lovforslaget kapittel 4 som eiga sak. Jordskifteretten kan og fastsetje grenser som ledd i eit jordskifte, sjå lovforslaget § 3-13 første ledd første punktum. Dersom det er tvist om grensa, kan ein part som eit alternativ reise sak for tingretten.

Formuleringa «fastsetje» i *første ledd* skal ha same mening som tilsvarande formulering i § 4-1.

Første ledd fører vidare gjeldande jordskiftelov § 88 i den forstand at det er avgrensa til å gjelde fastsetjing av grenser i eiga sak. Omgrepet «eiga sak» brukast i staden for «særskild sak» utan at meininga er å gjere noka realitetsendring. Meininga er at jordskifteretten framleis skal kunne fastsetje grenser og når fastsetjinga ikkje går inn som ein del av eit jordskifte.

Lovforslaget skil ikkje mellom grenser på land eller i vatn. Det er ikkje meininga å gjere noka endring når det gjeld grenser i sjø (saltvatn). Det same gjeld for sektorgrense i sjø. I NOU 1988:16 kapittel 4.1.2 Særskilt grense for særretter til visse utnytingsmåter, er det gitt ein omtale av slike grenser.

Kven som kan krevje grensefastsetjing etter § 4-2 første ledd, går fram av lovforslaget § 1-5.

Første ledd utvidar kompetansen jordskifteretten har til å fastsetje grenser for «rettar». Omgrepet «rettar» i lovforslaget dekkjer alle typar rettar over fast eigedom.

Kompetansen jordskifteretten har til å fastsetje grenser etter første ledd er ikkje avgrensa til å gjelde dei areala som er nemnde i bokstavane a til g. Dette går fram av omgrepet «mellom anna».

Første ledd bokstav a gjeld grunneigedom slik denne er definert i matrikkellova § 5 første ledd bokstav a. Med grunneigedom er meint eigedom som er avgrensa ved eigedomsgrenser på jordoverflata, og som med dei avgrensingane som følger av at det eventuelt er oppretta anleggseigedom etter bokstav b, strekkjer seg så langt nedover i grunnen og oppover i lufta som privat eigedomsrett rekkjer etter alminnelege reglar. Bokstav a fører vidare heimelen i gjeldande jordskiftelov § 88 første ledd til å behandle desse eigedomsgrensene. Jordskifteretten kan fastsetje grenser på jordoverflata, i lufta og i undergrunnen. Jordskifteretten kan for eksempel som eiga sak fastsetje grense der fleire har interesse av å utnytte rommet over eller under jordoverflata.

Bokstav b gjeld anleggseigedom slik denne er definert i matrikkellova § 5 første ledd bokstav b. Med anleggseigedom er meint ein bygning eller konstruksjon, eller eit avgrensa fysisk volum som er tillate utbygt, og som er utskilt som eigen eigedom. Fast anlegg på eigarlaus sjøgrunn eller i eigarlaus undergrunn kan òg vere anleggseigedom.

Etter opplegget i matrikkellova må det haldast ei oppmålingsforretning før anleggseigedommen kan først inn i matrikkelen, og tinglysing kan finne stad.

Bokstav c gjeld uteareal som inngår i eigarseksjon slik dette er definert i matrikkellova § 4 første ledd siste punktum. Kompetansen gjeld berre for uteareal til eigarseksjon, ikkje for eigarseksjonane inne i bygningen. Omgrepet «mellom anna» i innleiinga til paragrafen endrar ikkje dette.

Bokstav d gjeld jordsameige slik dette definerast i matrikkellova § 5 første ledd bokstav d. Med jordsameige er meint grunnareal som ligg i sameige mellom fleire grunneigedommar, og der sameigepartane inngår i grunneigedommane. Andre sameiger enn jordsameiger ligg inn under omgrepet fast eigedom i innleiinga i paragrafen. Jordskifteretten kan såleis òg fastsetje grenser for andre sameiger.

Bokstav e gjeld festegrund slik dette er definert i matrikkellova § 5 første ledd bokstav e. Med festegrund er meint del av grunneigedom eller jordsameige som nokon har festerett til eller som

kan festast bort, eller som nokon har ein tilsvarende eksklusiv og langvarig bruksrett til.

Bokstav f gjeld offentlig regulering av eigarådvalde. Bokstav f fører vidare heimelen i siste alternativ i gjeldande jordskiftelov § 88 første ledd første punktum.

Bokstav g gjeld grenser for samisk reinbeite. Bokstav g har ny ordlyd i høve til gjeldande jordskiftelov § 88 andre ledd andre punktum, men ikkje nytt innhald. Det er ikkje meininga å gjere realitetsendring i kva ei grensefastsetjing kan gå ut på når det gjeld grenser for samisk reinbeite.

Bokstavane a til g gir ikkje uttømmende oversikt over kva slag eigedommar og rettar jordskifteretten kan fastsetje grenser for. Det følgjer av omgrepet «mellom anna». Eksempel på grensefastsetjing som ikkje er teke med i § 4-2 er teke med i § 4-3, sjå merknadene til § 4-3. Eit anna eksempel er grenser i realsameige som ikkje er jordsameige.

Etter *andre ledd* skal jordskifteretten merkje og koordinatfeste grenser fastsett etter første og andre ledd i § 6-29.

#### *Til § 4-3 Andre reglar om grensefastsetjing*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om andre reglar om grensefastsetjing i kapittel 10.4.10. til 10.4.14.

Etter *første ledd første punktum* kan jordskifteretten i sak etter § 4-2 ta avgjerd om gjerdeplikt og gjerdehald etter § 3-8 for den grensestrekinga som er til behandling. *Første ledd andre punktum* seier at når retten tek slik avgjerd, gjeld § 3-34 så langt det høver. Jordskifteretten har etter § 5-3 bokstav b heimel til å ta avgjerd etter grannegjerdelova i samband med sak for jordskifteretten. Det følgjer av § 5-4 at jordskifteretten òg kan ta avgjerd etter grannegjerdelova som eiga sak.

Første ledd gir heimel for å fastsetje reglar om gjerdehald for den grensestrekinga som er til behandling etter § 4-2. Føresegna gjeld ikkje gjerdespørsmål som eiga sak etter grannegjerdelova. Heimelen er særleg praktisk dersom grensesaka viser at eit gjerde som var meint å stå i ei grense, ikkje gjer det. Da kan jordskifteretten i grensesaka òg ordne det nødvendige med flytting av gjerdet. Realitetane i endringa er at jordskifteretten får same heimel til å ordne gjerdespørsmål i ei sak etter § 4-2 som i ei jordskiftesak etter § 3-8 og ei sak etter §§ 5-3 eller 5-4.

Etter *andre ledd* kan jordskifteretten justere grenser etter matrikkellova § 16. Forslaget inneber at jordskifteretten, utan at det er kravd jordskifte, skal ha same moglegheit til grensejustering

som den lokale matrikkelstyresmakta har. Det er etter matrikkellova § 16 andre ledd berre høve til å overføre mindre areal mellom einingane. Det er gitt forskrift med heimel i matrikkellova § 16 femte ledd som gir nærare reglar om kva slags areal det er som kan overførast.

*Tredje ledd* seier at lov 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenningar § 1-4 og lov 19. juni 1992 nr 60 om skogsdrift m.v. i statsallmenningane § 4-2 gjeld for fastsetjing av grenser som gjeld bygdeallmenning eller statsallmenning. Tredje ledd er teke inn i lova av informative omsyn.

*Fjerde ledd* erstattar heimelen ein har i gjeldande lov § 88 første ledd andre punktum. Det er ikkje meininga å gjere endringar i kva jordskifteretten kan gjere etter reglane i vassdragslova §§ 2, 3 og 4. Ved grensejustering er jordskifteretten bunden av eventuelle offentlegrettslege vilkår. Dersom vilkåra i matrikkellova ikkje kan oppfyllest, må endringa skje med heimel i § 3-4.

*Femte ledd* er teke med i lova av informative omsyn. Leddet fortel at jordskifteretten set i verk grensemerking i terrenget, koordinatfesting og kartlegging etter finnmarkslova § 45.

Det går fram av *sjetste ledd* at om ei avgjerd etter første til fjerde ledd eller etter §§ 4-1 og 4-2 fører til at det må registrerast eit nytt jordsameige, eller til at umatrikulert grunneigedom eller festegrund skal matrikulerast, gjeld § 3-35. Ved eit jordskifte etter kapittel 3 vil det regelmessig vere aktuelt å skipe ei ny matrikkeleining. Lovforslaget § 3-35 gir heimel for dette. I heimelen er det vist til samsvarande reglar i matrikkellova §§ 10 og 18. Ved rettsutgreiing og grensefastsetjing vil det sjeldan vere aktuelt å skipe nye einingar. Unntaksvis får jordskifteretten likevel slike saker. Eit eksempel på dette er sak som gjeld rettsutgreiing etter § 4-1 for å få registrert eit uregistrert jordsameige. Eit anna eksempel er der jordskifteretten fastset grenser etter § 4-2 for umatrikulert grunneigedom. Regelen i sjetste ledd fastset at jordskifteretten i slike høve har den same heimelen, og skal følgje dei same rutinane som ved jordskifte.

#### *Til § 4-4 Tvist om underliggjande rettshøve*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om tvist om underliggjande rettshøve i kapittel 10.4.9.

Paragrafen seier at dersom det i sak om rettsutgreiing eller grensefastsetjing er tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett eller anna, skal jordskifteretten etter krav frå ein part avgjere tvisten når det er nødvendig for å avgjere saka om rettsutgreiing eller grensefastsetjing. Paragrafen fører

vidare heimelen jordskifteretten har i gjeldande jordskiftelov § 17 tredje ledd.

I Rt. 2000 side 1703 har Høgsterett lagt til grunn at når jordskifteretten i ei sak om grense tek avgjerd i tvist om eit underliggjande rettshøve, blir avgjerda rettskraftig som fastsetjingsdom, ikkje berre som ei prejudisiell avgjerd i grensesaka.

#### *Til Kapittel 5 Skjønn og andre avgjerder etter andre lover*

I kapitteloverskrifta er formuleringa «skjønn og andre avgjerder etter andre lover» brukt. Grunnen til det er at ikkje alle avgjerdene jordskifteretten tek etter kapittel 5 er kalla skjønn i lovforslaget, sjå kapittel 11.1. Det er òg slik at jordskifteretten kan ta avgjerder etter andre lover enn jordskiftelova. Skjønn og andre avgjerder etter andre lover er drøfta i kapittel 11.

#### *Til § 5-1 Skjønn i samband med tiltaksjordskifte og vernejordskifte*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om skjønn i samband med tiltaksjordskifte og vernejordskifte i kapittel 11.5.1.3.

*Første punktum* gjeld tiltaksjordskifte og vernejordskifte. Omgrepa tiltaksjordskifte og vernejordskifte er definerte i lovforslaget § 1-3 bokstav b og c. Meininga er at jordskifteretten skal kunne halde dei skjønna som er omhandla i gjeldande jordskiftelov § 6 første, andre, tredje og fjerde ledd første punktum.

Eit skjønn i samband med tiltaksjordskifte og vernejordskifte kan baserast på avtale mellom partane. Eit slikt avtaleskjønn fell inn under paragrafen.

Omgrepet skjønn er brukt som ein karakteristikk av den avgjerda jordskifteretten tek for å få fastsett erstatninga ved tiltaksjordskifte og vernejordskifte. Omgrepet er ikkje brukt for å seie noko om kva for reglar om saksbehandling ein skal følgje, eller kva for domstol det er som skal behandle spørsmålet. Pengevederlaget skal, som i dag, fastsetjast etter lov 6. april 1984 nr. 17 om vederlag ved oreigning av fast eigedom.

Formuleringa «i samband med» dekkjer formuleringa «I samband med sak» som er brukt i gjeldande jordskiftelov § 6 fjerde ledd første punktum. Omgrepet dekkjer òg skjønn som skal halvast samtidig med jordskifte i tid. I nokre tilfelle vil jordskiftesaka og skjønnet ikkje starte samstundes. Ein kan tenkje seg at skjønnet er rekviert nokre dagar eller veker før krav om jordskifte

er kome inn. Meininga er at slike skjønn òg skal kunne sjåast på som skjønn «i samband med» om for eksempel saksbehandlinga av kravet ennå ikkje er starta, og når det er nødvendige for å få gjennomført jordskiftesaka på ein smidig og for partane rettssikker måte.

Med formuleringa «Jordskifteretten held» er meint at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse når skjønnet er i samband med tiltaksjordskifte og vernejordskifte. Er det aktuelt å halde slike skjønn utan i samband med slike saker, vil dei gå som rettslege skjønn (skjønn for tingretten). Partane kan likevel avtale at jordskifteretten skal halde skjønnet, og heimel til å halde eit slikt skjønn har jordskifteretten i lovforslaget § 5-5.

Fleire av vilkåra i gjeldande jordskiftelov § 6 for at jordskifteretten skal kunne halde tiltaks- og vernejordskifte, blir ikkje ført vidare i § 5-1. Etter gjeldande jordskiftelov § 6 andre ledd, kan jordskifteretten berre halde skjønn i samband med vernejordskifte, dersom det er rettskraftig avgjort av dei ordinære domstolane at det skal ytast erstatning, eller vedkomande styresmakt sjølv legg det til grunn. Jordskifteretten kan etter lovforslaget halde skjønn i samband med vernejordskifte dersom offentleg styresmakt legg til grunn at det skal ytast erstatning. Denne regelen blir ført vidare. I dei tilfella offentleg styresmakt ikkje sjølv legg til grunn at det skal ytast erstatning, inneber forslaget til nye reglar ei endring. Det skal ikkje lenger vere noko krav at dei ordinære domstolane har avgjort spørsmålet. Etter lovforslaget kan jordskifteretten nå avgjere spørsmålet om erstatning. Jordskifteretten har fått kompetanse til å avgjere tvist om erstatningsspørsmålet, sjå lovforslaget § 5-8 tredje ledd.

Den stadlege avgrensinga av heimelen jordskifteretten har til å halde skjønn etter jordskiftelova § 6, blir ikkje ført vidare i lovforslaget.

Etter *andre punktum* gjeld første punktum ikkje jordskifte i vassdrag.

For saksbehandling med vidare gjeld § 5-7 første ledd.

*Til § 5-2 Skjønn i samband med jordskifte som følgje av tiltak fastsett av jordskifteretten i vassdrag*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om skjønn i samband med jordskifte som følgje av tiltak fastsett av jordskifteretten i vassdrag i kapittel 11.5.1.3.

Omgrepet skjønn er brukt som ein karakteristikk av den avgjerda jordskifteretten skal gjere. Det handlar om fastsetjing av eit pengevederlag.

Før vannressurslova og endringane i vassdragslova tok til å gjelde, hadde jordskifteretten kompetanse til å halde erstatningsskjønn for tap som oppsto på eigedommar utanfor skiftefeltet som følgje av tiltak innanfor skiftefeltet. Heimelen var i gjeldande jordskiftelov § 44 tredje ledd. Heimelen fall bort da vannressurslova og endringane i vassdragslova tok til å gjelde. Lovforslaget § 5-2 inneber at jordskifteretten får tilbake denne heimelen.

Omgrepet «i samband med» skal forståast på same måte som omgrepet skal forståast i lovforslaget § 5-1, sjå spesialmerknadene til § 5-1. Kva tiltak det handlar om, går fram av § 3-9.

For saksbehandling med vidare gjeld § 5-7 første ledd.

*Til § 5-3 Skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett i kapitlet 11.5.2 til 11.5.7.

Paragrafen gjeld avgjerder som ikkje berre gjeld fastsetjing av pengevederlag. Derfor brukast omgrepet «skjønn og andre avgjerder etter andre lover» i paragrafen.

Paragrafen gir jordskifteretten heimel til å halde skjønn og ta avgjerd i samband med sak for jordskifteretten etter dei lovene det er vist til. Den enkelte lova det er vist til, inneheld òg heimlar. Ein må sjå i den lova som det er vist til dersom ein vil finne ut nærare kva det er jordskifteretten kan avgjere. Når formuleringa «Jordskifteretten held skjønn og tek andre avgjerder i samband med sak for jordskifteretten etter...» er brukt, er meininga at jordskifteretten skal ha eksklusiv heimel i desse tilfella. Det er som for saker etter § 5-1 eit vilkår at det handlar om avgjerder som skal takast i samband med sak for jordskifteretten. Omgrepet «i samband med» skal ha same mening i §§ 5-1, 5-2 og 5-3.

Skjønn og andre avgjerder i samband med sak for jordskifteretten etter dei lovene som er nemnde kan vere baserte på avtale mellom partane. Eit slikt avtaleskjønn fell inn under paragrafen.

Jordskifteretten kan etter gjeldande reglar ta avgjerd etter taubanelova, sjå kapittel 11.5.4.3. Kompetansen jordskifteretten har er avgrensa til taubanelova § 8, sjå gjeldande jordskiftelov § 43 tredje ledd. Forslaget til § 5-3 *bokstav a* inneber inga endring i den kompetansen jordskifteretten

har etter gjeldande jordskiftelov § 43 tredje ledd, jf. taubanelova § 8.

Etter § 5-3 bokstav b, skal jordskifteretten ha eksklusiv kompetanse til å ta alle avgjerder om gjerdehald etter grannegjerdelova, sjå omtalen av reglane i kapittel 11.5.6.3. Det inneber at ordninga med «lensmannsskjønn» etter grannegjerdelova fell bort. Lovforslaget inneber òg at ein opphevar den stadlege avgrensinga av kompetansen jordskifteretten har til å halde skjønn etter grannegjerdelova. Det er gjort greie for bruken av omgrep med vidare i spesialmerknadene til endringane i grannegjerdelova.

Etter § 5-3 bokstav c, skal jordskifteretten ha kompetanse til å ta alle avgjerder etter beitelova. Denne kompetansen har jordskifteretten ikkje etter gjeldande reglar. Sjå omtale av reglane i kapittel 11.6. Skjønn etter gjeldande reglar i beitelova er styrt av lensmannen, namsfuten eller politistasjonssjef med sivile rettspleieoppgåver. Jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse til å ta avgjerder etter beitelova. Høvet til å halde lensmannsskjønn fell bort som ein konsekvens av dette. Departementet gjer greie for dei omgrepa som er brukt i spesialmerknadene til beitelova.

§ 5-3 bokstav d gjeld private vegar etter veglova kapittel VII. Sjå omtala av reglane i kapittel 11.5.3 Jordskifteretten har etter gjeldande jordskiftelov § 43 andre ledd kompetanse til å halde skjønn etter veglova kapittel VII når det ligg føre eit jordskifte. Slik kompetanse har jordskifteretten anten eigedommen ligg i jordskiftet, eller om eigedommen ikkje kjem inn under jordskifte. Denne kompetansen blir ført vidare i bokstav d. Meininga er at formuleringa «i samband med» skal famne desse tilfella. Det er etter lovforslaget ikkje noko krav at skjønnet skal vere nødvendig av omsyn til jordskifte, slik reglane er i dag.

Jordskifteretten held etter veglova § 60 andre ledd første punktum skjønn etter veglova kapittel VII. Det gjer jordskifteretten i eit nærare stadleg avgrensa område dersom rekvirenten set fram krav om det i samband med sak etter gjeldande jordskiftelov § 6 første til fjerde ledd første punktum. Jordskifteretten skal etter lovforslaget ha eksklusiv kompetanse til å halde skjønn og ta avgjerder etter veglova kapittel VII i samband med sak for jordskifteretten òg i dei tilfella rekvirenten set fram krav om at jordskifteretten skal behandle spørsmålet. Dette går fram av § 5-3 bokstav d, men òg av forslag til nye reglar i veglova § 60 andre ledd. Lovforslaget inneber at høvet til å avgjere sakene etter kapittel VII som rettsleg skjønn, eller som «lensmannsskjønn», fell bort.

Dette går fram av formuleringane, «tek avgjerder» og «held skjønn» i veglova § 60 andre ledd.

§ 5-3 bokstav e gjeld avgjerder etter servituttlova. Sjå omtala av reglane i kapittel 11.5.7. Etter gjeldande servituttlov § 19 er utgangspunktet at skjønn etter servituttlova er styrt av lensmannen, namsfuten eller politistasjonssjef med sivile rettspleieoppgåver. Jordskifteretten kan i nokre tilfelle ta avgjerder etter servituttlova. Kompetansen jordskifteretten har blir endra etter lovforslaget slik at jordskifteretten får eksklusiv kompetanse til å ta avgjerd etter servituttlova §§ 5-7 og 13.

§ 5-3 bokstav f gjer synleg kompetansen jordskifteretten har til å ta avgjerd etter vannressurslova § 31 tredje ledd bokstav c. Sjå omtala av reglane i kapittel 11.5.5. Den paragrafen gjeld refusjon av utgifter til fellestiltak etter vannressurslova. Etter lovforslaget skal kompetansen jordskifteretten har etter bokstav f ikkje lenger vere avhengig av om vassdragstiltaket har samanheng med andre tiltak som står under jordskifte. Jordskifteretten kan etter lovforslaget behandle spørsmål om fordeling av felleskostnader som eiga sak.

§ 5-3 bokstav g gjeld kompetansen jordskifteretten har til å halde skjønn og ta andre avgjerder etter reindriftslova. Sjå omtala av reglane i kapittel 11.5.2. I gjeldande jordskiftelov går kompetansen fram av ein eigen paragraf, sjå § 6 a. Kompetansen jordskifteretten har til å halde skjønn og ta andre avgjerder etter reindriftslova, blir ført vidare i lovforslaget § 5-3 bokstav g, og vil dessutan følgje av dei føresegnene i reindriftslova som seier kva jordskifteretten kan avgjere. Forslaget inneber at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse til å ta dei aktuelle avgjerdene i samband med sak for jordskifteretten. Det same gjeld avgjerder som jordskifteretten tek som eiga sak, med unntak av erstatningsskjønn etter reindriftslova § 70. Når det gjeld erstatningsskjønn etter reindriftslova § 70, skal rekvirenten framleis kunne velje mellom tingretten og jordskifteretten.

Korleis saker etter lovforslaget § 5-3 skal behandlast, går fram av lovforslaget § 5-7.

*Til § 5-4 Skjønn og andre avgjerder etter andre lover som eiga sak*

Departementet gjer greie for forslaget til føresegn om skjønn og andre avgjerder etter andre lover som eiga sak i kapittel 11.2.3.

Formuleringa «eiga sak» er brukt for å få fram at avgjerdene ikkje har nokon samanheng med sak for jordskifteretten.

*Første punktum* seier at jordskifteretten kan halde skjønn og ta andre avgjerder som eiga sak etter dei lovene som er nemnde i § 5-3. Den meir presise utforminga av kva for avgjerder jordskifteretten kan treffe, går fram av dei lovene som det er vist til. Det går fram av føresegna, saman med dei lovene som det er vist til, at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse på dei områda lovene regulerer. På eit område skal jordskifteretten likevel framleis ha parallell kompetanse saman med tingretten. Det gjeld skjønn om erstatning etter reindriftslova § 70.

*Andre punktum* seier at jordskifteretten ikkje kan ta avgjerd etter taubanelova § 8 som eiga sak. Dette fører vidare gjeldande rett.

Korleis saker etter § 5-4 skal behandlast, går fram av § 5-7.

#### *Til § 5-5 Avtaleskjønn som eiga sak*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om avtaleskjønn som eiga sak i kapittel 11.2.3.

Skjønn og andre avgjerder etter §§ 5-1 til 5-4 kan vere baserte på avtale mellom partane. Kompetansen jordskifteretten har til å behandle skjønn baserte på avtale og andre avgjerder, går fram av §§ 5-1 til 5-4.

Lovforslaget § 5-5 fører vidare jordskiftelova § 6 fjerde ledd andre punktum. Den gjeld skjønn kravd med heimel i skjønnsprosesslova § 4. I lovforslaget § 5-5 har jordskifteretten heimel til å halde avtaleskjønn som ikkje blir fanga opp av §§ 5-1 til 5-4.

Tingretten og jordskifteretten skal både framleis kunne halde avtaleskjønn, med mindre det er positivt sagt i lova at kompetansen er lagt til jordskifteretten slik tilfellet er for saker etter grannegjerdelova, beitelova, servituttløva og veglova kapittel VII. Det er ikkje meininga å gjere endringar utover det som følgjer av at den stadlege kompetansen blir oppheva.

For behandlinga av skjønn etter lovforslaget § 5-5, gjeld lovforslaget § 5-7.

Avtaleskjønn jordskifteretten held etter lovforslaget § 5-5 blir behandla på same måte som skjønn og andre avgjerder etter lovforslaget § 5-4.

#### *Til § 5-6 Skjønn og andre avgjerder i samband med sak for jordskifterett skilt ut som eiga sak*

Forslaget til føresegn om skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifterett skilt ut som eiga sak blir omtala i kapittel 11.5.1.

Reglane i § 5-6 er nye. Jordskifteretten kan etter *første punktum* bestemme at saker i samband med sak for jordskifteretten etter §§ 5-1, 5-2 og 5-3 skal behandlast som eiga sak.

Skal saka skiljast ut som eiga sak, skal ho behandlast etter reglane i skjønnsprosesslova, sjå § 5-7.

I vurderinga av om avgjerda skal skiljast ut som eiga sak, kan jordskifteretten mellom anna vurdere kva som er den mest effektive behandlinga av dei aktuelle spørsmåla. Jordskifteretten kan avgrense jordskiftesaka, slik at ho ikkje blir meir omfattande enn nødvendig. Ei splitting av saka må om mogleg inngå i planane til retten når det gjeld framdrifta i saka, sjå lovforslaget § 6-6. Avgjerda skal takast ved orskurd, sjå lovforslaget § 6-23. Jordskifteretten må informere partane om kva konsekvensen blir av å skilje ut spørsmålet som eiga sak. Blant anna må retten gjere det klart at retten etter hovudregelen i skjønnsprosesslova § 11 første ledd skal setjast med fire meddommarar i staden for to. To meddommarar er hovudregelen for saker i samband med sak for jordskifteretten, sjå lovforslaget § 2-6. Partane bør òg informerast om at retten kan setjast med to meddommarar, når ein av partane krev det, og jordskiftedommaren ikkje kan sjå grunnar som taler mot. Partar er til vanleg opptatt av kva kostnader saka påfører dei. Retten må derfor informere partane om kva skilnad det blir på kostnadsfordelinga dersom saka skal skiljast ut som eiga sak.

*Andre punktum* seier at kompetansen jordskifteretten har etter første punktum ikkje gjeld for sak etter lov 14. juni 1912 nr. 1 om anlegg av taugbaner og løipestrenger mv. § 8.

#### *Til § 5-7 Behandlinga av saker etter kapittel 5*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om behandlinga av saker etter lovforslaget kapittel 5 i kapittel 11.7.3.

*Første ledd* gjeld skjønn og andre avgjerder etter §§ 5-1, 5-2 og 5-3 i samband med sak for jordskifteretten. *Første ledd første punktum* seier at kapitla 1, 2, 6 og 8 i lovforslaget gjeld så langt dei høver for skjønn og andre avgjerder som jordskifteretten held eller tek etter §§ 5-1 til 5-3.

*Første ledd andre punktum* seier at i tillegg gjeld § 7-1 andre ledd og § 7-10. Lovforslaget § 7-1 gjeld sakskostnader. I lovforslaget § 7-1 andre ledd står det at for skjønn og andre avgjerder i samband med sak for jordskifteretten, gjeld reglane om sakskostnader i skjønnsprosesslova. Lovforslaget § 7-10 seier at skjønnsprosesslova § 54 gjeld for kostnader med skjønn og andre

avgjerder etter lovforslaget §§ 5-2 og 5-3 som rårkar eigedom som ikkje er med i jordskifteområdet. Lovforslaget § 7-10 seier òg at kostnader etter første ledd i lovforslaget § 7-10 skal delast etter § 3-28 mellom partane som er knytt til investeringstiltaket.

*Første ledd tredje punktum* seier at reglane for rettslege skjønn i skjønnsprosesslova gjeld så langt kapitla 1, 2, 6 og 8 ikkje har reglar om behandlinga. Det vil variere frå sak til sak kor mange føresegner i skjønnsprosesslova ein etter lovforslaget må supplere med.

*Første ledd fjerde punktum* seier at i tillegg gjeld òg reglane for behandlinga som ein finn i dei lovene som er nemnde i lovforslaget § 5-3.

*Andre ledd første punktum* seier at avgjerder som jordskifteretten tek som eiga sak etter lovforslaget §§ 5-4 til 5-6 følgjer reglane for rettslege skjønn i skjønnsprosesslova. Andre ledd inneber at ein fører vidare regelen i gjeldande jordskiftelov § 6 b første ledd om at avtaleskjønn etter § 6 fjerde ledd andre punktum og skjønn som eiga sak, skal behandlast etter skjønnsprosesslova sine reglar fullt ut.

*Andre ledd andre punktum* seier at i tillegg gjeld òg reglane som ein finn i dei lovene som er nemnde i lovforslaget § 5-3 for behandlinga.

#### *Til § 5-8 Tvist*

Det er gjort greie for forslaget til føresegn om korleis ein behandlar tvist i saker etter lovforslaget kapittel 5 i kapittel 11.8.3.

*Første ledd* seier at jordskifteretten avgjer under forretninga tvist om retten til og vilkåra for å fremje skjønn eller andre saker etter kapittel 5. Første ledd gjeld alle saker som jordskifteretten kan behandle etter kapittel 5. Første ledd inneber at jordskifteretten kan avgjere tvist om retten til, og om vilkår for å fremje ei sak etter kapittel 5 er oppfylt. Det same gjeld tvist om kva saka skal gjelde. Paragrafen byggjer på gjeldande jordskiftelov § 6 b første og andre ledd. Etter gjeldande jordskiftelov § 6 b første ledd har jordskifteretten kompetanse til å avgjere tvistar i avtaleskjønn som eiga sak etter gjeldande jordskiftelov § 6 fjerde ledd andre punktum eller etter anna lov. Paragrafen byggjer òg på gjeldande jordskiftelov § 6 b andre ledd som seier at mellom anna skjønnsprosesslova §§ 26 og 48 gjeld for saker etter gjeldande jordskiftelov § 6 første, andre, tredje og fjerde ledd første punktum.

*Andre ledd* seier at jordskifteretten avgjer under forretninga tvist om retten til og vilkåra for ekspropriasjon, eller tvist om kva som skal vere emne for ekspropriasjon. Paragrafen byggjer på gjeldande jordskiftelov § 6 b andre ledd som viser til mellom anna skjønnsprosesslova § 48, men inneber ei utviding da kompetansen ikkje er avgrensa til dei sakstypene som er nemnde i gjeldande jordskiftelov § 6 b andre ledd.

*Tredje ledd første punktum* seier at dersom det i skjønn etter lovforslaget § 5-1 første punktum er tvist om eit underliggjande rettshøve om grenser, eigedomsrett eller anna innan jordskifteområdet, og som det er nødvendig å ta stilling til for at saka skal kunne avgjerast, skal jordskifteretten etter krav frå ein part avgjere dette. Første punktum fører vidare den tilsvarende kompetansen jordskifteretten har etter gjeldande jordskiftelov § 17 tredje ledd.

*Tredje ledd andre punktum* seier at jordskifteretten kan som del av skjønn i samband med vernejordskifte etter § 5-1 første punktum, avgjere om det skal ytast erstatning for avgrensinga av råderetten som følgjer av den offentlege reguleringa av eigarrådveldet. Dette er ny kompetanse for jordskifteretten.

Leddet er ein konsekvens av at jordskifteretten skal kunne ta stilling til om det skal svarast erstatning som følgje av ei råderettsinnskrenking i samband med vernetiltak. Desse tvistane skal jordskifteretten òg kunne avgjere.

#### *Til kapittel 6 Reglar om saksbehandling*

Reglane om saksbehandling i lovforslaget er ordna slik at det er gitt ein del reglar som er spesielle for saksbehandlinga i jordskifterettene, samtidsig som mange av reglane i tvistelova skal gjelde i tillegg, sjå § 6-1. Nokre av reglane i tvistelova er det òg vist til i enkelte av paragrafane i kapittel 6, og nokre er tekne direkte inn i ei tilpassa form av informasjonsomsyn. Reglane om saksbehandling i lovforslaget er dermed ein kombinasjon av eigne reglar og reglane i tvistelova. Slik er det òg etter gjeldande jordskiftelov. Valet av tilnærming til tvistelova er nærare omhandla i kapittel 12.2. Hovudtyngda av reglane om saksbehandling er samla i kapittel 6. Det er òg plassert enkelte reglar som har karakter av å vere reglar om saksbehandling i dei andre kapitla, der dette er naturleg ut i frå samanhengen mellom reglane. For å betre oversikta i kapitlet er det delt inn i underkapittel med romartalsnummerering.



*Til I Tilhøvet til tvisteloven og lov om skjønn og ekspropriasjonssaker*

*Til § 6-1 Saksbehandlinga og tilhøvet til tvisteloven og lov om skjønn og ekspropriasjonssaker*

Paragrafen erstattar gjeldande jordskiftelov § 97. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 12.2.1.3.

Det følgjer av *første ledd* at reglane om saksbehandling i lovforslaget kapittel 6 gjeld for saker etter kapittel 3 (jordskiftesakene), kapittel 4 (grensefastsetjing og rettsutgreiing) og for saker etter kapittel 5 (skjønn og andre avgjerder etter andre lover retten behandlar i samband med jordskifte). Når skjønn og andre avgjerder etter andre lover skal behandlast som eiga sak, følgjer det av *tredje ledd* at saksbehandlinga skal følgje reglane i lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker. Tredje ledd tilsvarar høyringsforslaget § 6-2.

*Andre ledd* regulerer tilhøvet mellom jordskiftelova og tvistelova. I *andre ledd bokstavane a til q* er det ramsa opp kva for reglar i tvistelova som skal gjelde ved sidan av reglane i jordskiftelova. Denne lovtekniske løysinga er den same som i gjeldande jordskiftelov, men slik at den overlapande tilvisinga i gjeldande jordskiftelov § 97 første ledd bokstav a og b ikkje blir ført vidare i den nye lova. Andre ledd i § 6-1 viser stort sett til dei same reglane i tvistelova som gjeldande jordskiftelov § 97, men nokre nye reglar er tekne inn. Dette gjeld mellom anna tvistelova kapittel 8 II om rettsmekling, §§ 9-13 til 9-15 og 9-17 om hovudforhandling, delar av kapittel 12 om prosesskriv og kapittel 16 II om omberamming og utsetjing. Det gjeld òg kapittel 17 om fastsetjing av verdien på ein tvistegenstand, 19 IV om rettsforlik, kapittel 30 om anke til Høgsterett, og dessutan § 10-5 første og andre ledd om sakskostnader.

Reglane i tvistelova skal gjelde så langt dei høver, eller slik det går fram av lova. Fleire stader der det er vist til tvistelova, vil ein kunne leggje reglane til grunn slik dei lyder. I andre tilfelle må ein gjere ei nærare vurdering av kor langt dei høver. Nokre stader er det òg sagt uttrykkeleg at visse reglar i tvistelova ikkje gjeld, sjå lovforslaget §§ 6-8 andre ledd og 6-19 andre ledd. I lovforslaget § 6-25 første ledd er det for eksempel gjort unntak for visse jordskifteavgjerder frå eit generelt utgangspunkt i tvistelova. Korleis ein bør handtere tilhøvet til tvistelova, vil gå fram av samanhenget i dei enkelte paragrafane.

Ein del sentrale reglar i tvistelova blir ikkje gjort gjeldande. Dette gjeld mellom anna visse grunnleggjande vilkår for prosess for domstolane,

sjå tvistelova § 1-3. Det gjeld òg reglane om pliktene partane har før ei sak skal reisast, sjå tvistelova kapittel 5, reglane om behandling i forliksrådet, sjå tvistelova kapittel 6, og småkravsprosess, sjå tvistelova kapittel 10. Andre sentrale reglar som ikkje skal gjerast gjeldande, er tvistelova § 12-1 fjerde ledd. Paragrafen handlar om verknaden av bistanden til retten med prosesskriv, § 18-4 om verknaden av fråfall av søksmål etter at krav er forkynt og før retten har teke avgjerd, og § 19-4 (1) om når retten er bunden av ei avgjerd. Sjuande del i tvistelova gjeld midlertidig sikring. Delen er òg teken ut fordi kapitla i denne delen av lova vil ha liten aktualitet for saksbehandlinga i jordskifterettane. Unntaka er grunnjevne i kapittel 12.4.

Dersom det skulle vise seg at dei reglane i tvistelova som er gjort gjeldande ikkje fangar opp alle tilhøve, må løysinga bli at ein nyttar tvistelova analogt.

*Til II Førebuing av saka*

*Til § 6-2 Krav om sak*

Lovforslaget § 6-2 har reglar om innhald i, og form på, krav om sak for jordskifteretten. Paragrafen avløyser gjeldande jordskiftelov § 12 første ledd andre punktum og jordskiftelova §§ 88 fjerde ledd første punktum og 88 a andre ledd (jamføring til § 88 fjerde ledd). Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.1.1.3.

Lova bruker omgrepet «krav» når det gjeld kva for prosessuell handling som kan reise ei sak for jordskifteretten. Gjeldande jordskiftelov bruker òg omgrepet krav og ikkje «stemning» (stemning) eller «søksmål». Dette gjer jordskiftelova fordi ein ikkje nødvendigvis har å gjere med ein tvist. Omgrep som stemning eller søksmål er da ikkje naturleg å bruke. Reglane om innhaldet i kravet må derfor òg få ei litt anna utforming enn i tvistelova. Reglane i lovforslaget § 6-2 erstattar reglane i tvistelova § 9-2 og § 12-2 om innhaldet i stemning og andre prosesskriv.

Etter *første ledd første punktum* må sak reisast ved skriftleg krav til jordskifteretten. Dette gjeld uavhengig av kva for sak det gjeld – jordskifte, grensefastsetjing, rettsutgreiing, skjønn, eller krav om anna avgjerd som jordskifteretten har heimel til å ta. Sak kan likevel reisast ved munnleg krav, jf. *første ledd andre punktum*. Retten har plikt til å setje opp kravet skriftleg når det kjem frå parter som prosederer sjølve. Blir kravet fremja gjennom ein advokat, skal det vere skriftleg. Sjø tvistelova § 12-1 andre ledd, som § 6-2 første ledd viser til. Etter *første ledd tredje punktum* skal kravet vere underskrive.

Jordskifterettane har utarbeidd eit eige skjema som i mange år har blitt brukt for å fremje krav. Bruk av skjema oppfyller vilkåret om at sakskravet skal vere skriftleg. Lovforslaget har ikkje eigne reglar om slike skjema. Lova er på den andre sida heller ikkje til hinder for at krav kan setjast fram på eit skjema som for eksempel kan vere utarbeidd av Domstoladministrasjonen. Skal nokon bruke skjema, må samstundes vilkåra som følgjer av lovreglane vere oppfylde.

Både papirbaserte og elektroniske dokument reknast som skriftlege. For bruk av elektronisk kommunikasjon, under dette elektronisk signatur, legg departementet til grunn at dei same reglane skal gjelde for jordskifterettane som for dei allminnelege domstolane, jf. domstollova § 197 a. Paragrafen gir heimel til å gi forskrifter om elektronisk kommunikasjon med domstolane.

*Andre ledd* inneheld reglar om kva for opplysningar kravet skal innehalde, utan at det er snakk om absolutte vilkår, jf. at opplysningane skal nemnast i kravet «så langt råd er». Kravet skal etter *andre ledd bokstav a* innehalde ei opplisting av kva eigedommar saka gjeld. Krav om sak for jordskifteretten vil normalt omfatte fleire eigedommar. Krav kan likevel gjelde berre ein eigedom, for eksempel i dei tilfella det skal krevjast bruksordning av tilhøva mellom ein eigar og ein eller fleire innehavarar av rettar på den same eigedommen, eller mellom rettshavarane innbyrdes. Tilsvarende kan gjelde for grensefastsetjing, der saka normalt vil gjelde grensa mellom fleire eigedommar. Saka kan òg gjelde grensa mellom rettar innanfor ein eigedom. Etter *andre ledd bokstav b* skal kravet (så langt råd er) innehalde opplysningar om namnet og adressa til partane, og dei eventuelle representantane eller prosessfullmektigane deira. I saker med fleire partar kan det vere nok at det blir vist til at det er dei som står oppført som eigar eller festar i grunnboka på dei aktuelle eigedommane som er part. Har rekvirenten kunnskap om at den reelle eigaren er ein annan enn den som står oppført i grunnboka, bør han opplyse om dette. Er det mange som reiser kravet, og dei har oppnemnt representantar for seg, skal dette opplysast.

Etter *andre ledd bokstav c* skal det opplysast om den som krev saka, meiner det trengst meddommarar. Det skal òg opplysast om desse bør ha særskilde kunnskapar om det saka skal handle om. Etter *andre ledd bokstav d* skal parten nemne kva han vil oppnå med kravet. Dette gjeld i høve til alle sakstypene, ikkje berre jordskifte. Dersom parten for eksempel ønskjer klarlegging av grenser han oppfattar som uklare, eller klarlegging av

innhaldet i bruksrettar han har på eigedommen sin, skal det gjerast greie for dette i kravet. Etter *andre ledd bokstav e* skal kravet nemne dei bevisa som vil bli førte og annan dokumentasjon, altså det den som krev saka sit med som kan underbygge eventuelle påstandar eller synspunkt på for eksempel grenser eller rettstilhøve.

*Tredje ledd første til fjerde punktum* inneheld meir generelle reglar om utforminga av kravet. Kravet skal vere utforma slik at det gir grunnlag for ei forsvarleg behandling av saka, og slik at dei andre partane kan ta stilling til kravet og kunne førebu seg på saka. Ikkje minst må kravet gi retten eit grunnlag for å vurdere om han kan behandle saka. Retten må for eksempel undersøkje om den som krev sak, har rett til det etter reglane i lovforslaget § 1-5. Kravet skal dessutan om mogeleg vise det geografiske området det omfattar, på eit kart. Desse opplysningane er viktige i høve til den geografiske avgrensinga av saka som retten må gjere, sjå lovforslaget § 6-9. Avgrensinga skal byggje på kravet og dei uttalane partane gir. Retten kan likevel utvide det geografiske området for saka på nærare fastsette vilkår, sjå lovforslaget § 6-9 fjerde ledd.

*Tredje ledd femte punktum* gjeld berre ved krav om jordskifte. Det blir stilt vilkår om at kravet skal gjere greie for dei utenlege eigedomstilhøva som ein vil at jordskifteretten skal bøte på ved bruk av verkemidla i jordskifte i kapittel 3.

#### *Til § 6-3 Kvar krav om sak skal setjast fram (verneting)*

Paragrafen gjer det unødvendig å gjere tvistelova kapittel 4 gjeldande for saksbehandlninga i jordskifterettane. Riket er delt inn i eigne jordskiftesokn og da bør ein òg ha eigne reglar om domsmakta på staden (verneting), som samsvarer med dette.

Etter *første ledd første punktum* skal krav om sak setjast fram for jordskifteretten i det jordskiftesoknet der eigedommen ligg. Regelen avløyser gjeldande jordskiftelov § 12 første ledd første punktum. Regelen svarar innhaldsmessig òg til tvistelova § 4-5 første ledd første punktum. Dersom eigedommen ligg i fleire sokn, eller det er uvisst i kva for eit sokn eigedommen ligg, kan kravet setjast fram for jordskifteretten i eit av sokna. Det kan vere uvisst i kva for sokn eigedommen ligg fordi det er uklare eigedomsgrenser. Regelen går fram av *første ledd andre punktum*. Regelen tilsvarende tvistelova § 4-5 første ledd andre punktum.

Er kravet sett fram for ein jordskifterett som ikkje har domsmakt på staden der eigedommen ligg, gir *andre ledd* retten plikt til å overføre saka til kompetent rett. Dersom fleire jordskifterettar

har domsmakt på staden, kan den som set fram kravet velje mellom dei. Dette er same reglar som i tvistelova § 4-7 første ledd andre punktum.

Etter domstollova § 38 kan ei sak flyttast over til ein annan domstol, anten når det er søkt om det, eller retten tek avgjerd om det av eige tiltak. Vilkåret er at særlege grunnar gjer det nødvendig eller hensiktsmessig. Domstolslova gjeld for jordskifterettane, sjå domstollova § 2. Tilvisinga til domstollova i *tredje ledd* er derfor ikkje nødvendig, men er teke med av informasjonsomsyn.

#### *Til § 6-4 Avgjerd om vilkåra for å reise sak er til stades*

Paragrafen gjeld kontrollen retten har med at vilkåra for sak er til stades. Paragrafen avløyser gjeldande lov § 12 andre ledd. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.1.3.3.

*Første ledd* seier at jordskifteretten skal undersøkje om vilkåra for å behandle saka er tilstades når kravet kjem inn. Om dei formelle vilkåra for ei sak er tilstades, er noko retten alltid må vurdere når det kjem inn eit krav. Retten må vurdere om kravet fyller dei vilkåra som gjeld for utforming og innhald i krav om sak (lovforslaget § 6-2), om retten har domsmakt på staden (lovforslaget § 6-3), og om retten er sakleg kompetent til å avgjere den typen krav som blir fremja (det vil seie om kravet gjeld jordskifte, grensefastsetjing, rettsutgreiing, skjønn eller andre avgjerder der jordskifteretten har avgjerdsmyndighet). Retten må òg kontrollere at kravet ikkje allereie verserer for ein annan domstol (er litispending) eller er rettskraftig avgjort. Retten må òg kontrollere at rekvirenten er i posisjon til å kunne krevje sak, jf. § 1-5.

For jordskiftesakene etter kapittel 3 gjeld det òg materielle vilkår for at saka skal kunne behandlast og avgjerast, sjå lovforslaget §§ 3-2, 3-3 og 3-18, og omtalen av desse reglane. Desse vilkåra gjeld realitetane i saka. Etter gjeldande jordskiftelov må retten avgjere om jordskiftet er tenleg i forbindelse med fremjinga av saka, sjå gjeldande jordskiftelov § 14 første ledd. Etter § 14 andre ledd kan vedtak om å fremje jordskiftet gjerast om, dersom jordskifteretten samrøystes meiner at vilkåra for å halde jordskifte ikkje lenger er tilstades. Departementet foreslår å ikkje føre vidare ordninga med vedtak om fremjing, sjå kapittel 12.5. Retten har like fullt ansvaret for at dei materielle vilkåra for sak blir oppfylte. Blir retten klar over at vilkåra ikkje kan oppfyllest, skal saka stansast, uansett kva for stadium ein er på i saka. Retten kan likevel handtere eventuelle problem i høve til dei materielle vilkåra på ulikt vis. Retten kan mellom anna avgrense saka slik at vilkåra kan

oppfyllest, gjennom den saklege og geografiske avgrensinga som skal gjerast (lovforslaget § 6-9).

Etter *andre ledd* skal retten gi partane rettleiing, dersom eit krav har manglar som det kan bøtast på. Retten kan etter andre ledd òg setje frist for retting, sjå lovforslaget § 6-16.

Etter *tredje ledd* skal retten avgjere om vilkåra for sak er tilstades eller ikkje, så snart det er grunnlag for det. Dette gjeld i høve til både formelle og materielle vilkår, og det gjeld under heile saka. Om dei formelle vilkåra er oppfylte, vil retten kunne ta stilling allereie når kravet kjem inn. Er vilkåra ikkje oppfylte, kan det eventuelt bli snakk om retting, jf. andre ledd. Dei materielle vilkåra for sak, vil retten normalt ikkje kunne ta stilling til før lenger ut i saksgangen, når alle partane har fått uttala seg til kravet, det er halde eit saksførebuannde rettsmøte og så vidare.

Må eit krav avvisast på grunnlag av formelle manglar er avgjerdsforma orskurd, sjå lovforslaget § 6-23 andre ledd. Kan ei jordskiftesak ikkje takast under behandling fordi dei materielle vilkåra ikkje er oppfylte, er avgjerdsforma jordskifteavgjerd, sjå lovforslaget § 6-23 fjerde ledd. Bruken av ulike avgjerdsformer har samanheng med anke og samansetjinga av ankeinstansen, sjå kapittel 12.3.1.3.3.

Etter *fjerde ledd* skal retten føre inn i rettsboka at behandlinga av ei jordskiftesak har teke til. Dette er ei formlaus avgjerd. Etter denne protokollføringa kan rekvirenten berre trekkje eit krav om jordskifte dersom retten samtykkjer i det, jf. lovforslaget § 6-19 første ledd. Det at behandlinga er starta, bør formulerast så klart som mogleg, og i alle fall slik at det ut i frå samanhengen ikkje kan vere tvil om at arbeidet med saka er starta opp, og at saksbehandlinga er i gang.

#### *Til § 6-5 Merknader til kravet*

Tvistelova kapittel 9 II Saksforberedelsen, inneheld viktige prinsipp for planlegging og saksførebuing, som bør gjelde tilsvarande for saker for jordskifterettane. Etter tvistelova § 9-3 har partane mellom anna rett og plikt til å gi tilsvar til kravet. Lovforslaget § 6-5, om merknader til kravet, har ei enklare og uttømmmande regulering av tilsvar til dei krava som skal reisast i saka, og kjem i staden for tvistelova § 9-3. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.1.4.3.

Etter *første ledd første punktum* skal jordskifteretten forkynne kravet for dei andre partane, og oppmode dei til å komme med sitt syn på kravet (eller krava, om det er fleire). Partane bør i merknadene seie si meining om kravet og gi dei opplys-

ningane dei har, sjå *første ledd andre punktum*. Dei bør òg nemne dei bevisa som dei vil føre, og vise til annan dokumentasjon dei byggjer på, sjå *første ledd tredje punktum*.

Merknadene frå partane treng ikkje gå lenger enn det som er nødvendig for gi eit tilstrekkeleg grunnlag for den vidare saksførebuinga, sjå *første ledd fjerde punktum*. Denne forenklinga av tilsvarsregelen i tvistelova § 9-3 er mellom anna gjort av omsyn til dei mange partane som prosederer sjølve i saker for jordskifteretten. For desse vil det truleg kunne bli vanskeleg å følgje krava i tvistelova § 9-3, som gjeld «saksøktes påstand», «den faktiske og rettslige begrunnelse for påstanden» og så vidare. Det treng ikkje vere tvist i ei sak for jordskifteretten med påstand om eit bestemt domsresultat. Ein kan for eksempel reise ei sak om grensefastsetjing utan å fremje påstand om ei bestemt grense mellom eigedommane. Det er da ikkje naturleg å bruke omgrep som «saksøktes påstand». Regelen i fjerde punktum svarar til tvistelova § 9-3 fjerde ledd, og er teken med for å gi partane eit signal om at dei ikkje treng å la merkna-dene bli for omfattande. Det er nok at merkna-dene gir retten eit tilstrekkeleg grunnlag for den vidare saksførebuinga.

Det er ikkje meininga at det skal ha verknader som for frávær etter tvistelova kapittel 16 III, om partane ikkje gir skriftlege eller munnlege merkna-dar. Lovforslaget § 6-5 har ei lempelegare utfor-ming enn tvistelova når det gjeld plikta til å gi til-svar. Det er heller ikkje gitt nokon regel om plikt for retten til å opplyse om verknaden av å ikkje gi til-svar, slik det er i tvistelova § 9-3. Tilhøvet til tvis-telova kapittel 16 er òg drøfta i kapittel 12.4.7.

Etter *andre ledd* må partane fremje krav om meddommarar i merkna-dene til kravet, om dei vil ha meddommarane med i det første rettsmøtet i saka.

*Tredje ledd* bestemmer at merkna-dene til van-leg skal vere skriftlege, men at munnlege merkna-dar kan setjast opp skriftleg av retten i samsvar med tvistelova § 12-1 andre ledd. Etter § 12-1 andre ledd kan partar utan prosessfullmektig fremje mellom anna til-svar ved personleg opp-møte i retten. For andre prosessfullmektigar enn advokatar kan retten tillate slike munnlege pros-esshandlingar. Retten skal da setje opp prosess-handlinga som prosesskriv. Retten kan òg tillate munnlege til-svar via fjernavhør. Dersom ein tilsett ved domstolen som ikkje er dommar, gir slik bistand med prosesskriv, bør prosesskrivet leg-gjast fram for ein dommar før det under-teiknast, sjå tvistelova § 12-1 tredje ledd. Tvistelova § 12-1 fjerde ledd, om habiliteten til den dommaren som

gir bistand med prosesskriv, er ikkje gjort gjel-dande for jordskifterettane. Grunnen til dette går fram av kapittel 12.4.6.

*Fjerde ledd* seier at retten normalt ikkje skal setje ein kortare frist for merkna-dar for partane enn tre veker. Retten må vurdere konkret i den enkelte saka, kva for frist som bør setjast. Retten bør mellom anna ta omsyn til omfanget på det par-tane skal uttale seg om, og om det i saka er partar som prosederer sjølve som kan ha behov for ein romsleg frist.

#### *Til § 6-6 Aktiv saksstyring og planlegging*

*Første ledd første punktum* slår fast plikta jordskif-teretten har til aktiv og planmessig styring av saksførebuing og saksavvikling. Første ledd første punktum gir uttrykk for dei same prinsippa som tvistelova § 9-4 første ledd. Det er at retten skal styre saksførebuinga aktivt og planmessig, slik at ein kan oppnå rask, prosessøkonomisk og forsvar-leg behandling. Departementet foreslår at § 9-4 i tvistelova ikkje skal gjerast gjeldande for saksbe-handlinga i jordskifteretten. Det blir vist til det som er sagt i kapittel 12.3.1.2.3 om dette.

*Første ledd andre punktum* gir «generalklausu-len» i tvistelova § 11-6, til-svarande verknad for jordskifterettane når det gjeld plikta til aktiv plan-legging og saksstyring, slik at sakene «effektivt og forsvarlig kan bringes til avslutning». Etter § 6-1 i lovforslaget er heile kapittel 11 i tvistelova gitt verknad for saksbehandlinga i jordskifterettane, så langt det høver. Det inneber at òg for eksempel tvistelova § 11-7, om reaksjon ved manglande saksstyring, gjeld for jordskifterettane.

*Andre ledd første punktum* seier at retten etter drøfting med partane, skal lage ein plan for behandlinga av saka. Reglane i andre ledd er ein forenkla versjon av tvistelova § 9-4 andre ledd. Når retten har fått tilstrekkeleg oversikt over kva saka skal handle om, skal retten lage ein plan for den vidare behandlinga. Planlegginga skal etter *andre ledd andre punktum* gi retten og partane oversikt over den vidare saksgangen. Planen skal etter andre ledd andre punktum òg så langt det er mog-leg, gi ei oversikt over når viktige avgjerder i saka må takast, og når retten ser for seg at saka kan avsluttast. Må det gjerast endringar i planen skal retten etter *andre ledd tredje punktum* orientere partane om dette. Sjølv om tvistelova § 9-4 ikkje gjeld, kan jordskifteretten halde planleggings-møte som del av saksførebuinga.

Oppstår det tvist under vegs i ei sak, for eksempel under ei synfaring av grenser, må den vidare saksbehandlinga ta omsyn til dette. Der-

som det er snakk om ein tvist i eit enkelt og oversiktleg spørsmål, må behandlinga av tvisten kunne skje «der og da» under eit rettsmøte som allereie er i gang, dersom partane ønskjer slik behandling. Er det snakk om meir kompliserte og omfattande spørsmål, må retten leggje til rette for vanleg tvistebehandling, og planleggje behandlinga og nye rettsmøte slik at partane får tid til å førebu seg. Reglane i tvistelova § 9-13 til 9-17 vil gjelde for hovudforhandlinga, så langt dei høver, sjå lovforslaget § 6-12 tredje ledd.

#### *Til § 6-7 Saksførebuande rettsmøte*

*Første ledd første punktum* seier at jordskifteretten kan kalle inn partane til saksførebuande rettsmøte på alle steg i saka. Regelen avløyser gjeldande jordskiftelov § 12 tredje ledd. Tvistelova har reglar om saksførebuande rettsmøte i tvistelova § 9-5. Spesialregelen i lovforslaget § 6-7 gjer at ein ikkje treng å gi tvistelova verknad når det gjeld saksførebuande rettsmøte i jordskifterettane. Etter *første ledd andre punktum* kan slike rettsmøte vere fjernmøte, slik det er bestemt i tvistelova § 13-1 andre og tredje ledd. Med fjernmøte er meint møte der ikkje alle deltakarane er tilstades, men deltek ved hjelp av fjernmøteteknikk (jf. definisjonen i tvistelova § 13-2 andre ledd).

Etter *andre ledd* kan saksførebuande rettsmøte setjast med jordskiftedommararen som einedommar. Regelen er teken med slik at det skal vere mogleg å kalle inn til og halde saksførebuande møte før meddommarar eventuelt blir oppnemnd. Regelen er ikkje til hinder for at det blir halde saksførebuande rettsmøte med jordskiftedommararen som einedommar og etter at meddommarane er oppnemnde, om det skulle vise seg å vere praktisk å diskutere enkelte tilhøve undervegs i saka med jordskiftedommararen som einedommar.

#### *Til § 6-8 Merknader til avgjerder om saksbehandlinga*

Når det gjeld uttalane til partane om tilhøve som er av betydning for avgjerdene til retten om saksbehandlinga, har departementet vald å dels skrive inn dei sentrale reglane i tvistelova § 9-6, dels å vise til desse reglane, i lovforslaget § 6-8. Reglane er med som ei påminning og opplysning for retten og partane, om noko som er svært sentralt i behandlinga av saka. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.1.4.3.

Etter *første ledd første punktum* skal retten gi partane høve til å uttale seg om tilhøve som har noko å seie for avgjerder om saksbehandlinga. Regelen tilsvarar tvistelova § 9-6 første ledd. Rege-

len må oppfattast slik at den omfattar avgjerder om saksbehandlinga som partane vil ha eit reelt behov for å uttale seg om. Retten må vurdere dette konkret. Normalt vil det ikkje vere nødvendig å høyre partane i spørsmål av administrativ art.

For uttalane til partane om realitetane i saka – altså det kravet som er reist, og som parten (eller partane) vil ha ei avgjerd av – er det gitt spesielle reglar for jordskifteavgjerdene i § 6-21. Retten skal utarbeide forslag til jordskifteløysing, og partane skal få uttale seg til desse. Når det gjeld grensefastsetjing og rettsutgreiing skal retten òg, når det ikkje er tvist, utarbeide forslag til fastsetjing av grensene eller rettane. Dette gjeld anten grensefastsetjinga eller rettsutgreiinga er del av ei jordskiftesak, eller er eiga sak. Partane skal få uttale seg til forslaga, sjå lovforslaget § 6-22. I saker der det er tvist, vil tvistelova §§ 9-13 til 9-17 om hovudforhandlinga gjelde tilsvarande, sjå lovforslaget § 6-12 tredje ledd. Lovforslaget § 6-14 bestemmer dessutan at retten i utgangspunktet skal byggje avgjerdene på behandlinga i rettsmøte. Retten kan ikkje byggje avgjerdene på faktiske tilhøve partane ikkje er bedne om å uttale seg om, jf. tvistelova § 11-1 tredje ledd, som gir uttrykk for kontradiksjonsprinsippet. Heile kapittel 11 i tvistelova gjeld, så langt det høver, for behandlinga i jordskifteretten.

Ein part må etter første ledd *andre punktum* setje fram motsegner mot prosesshandlingar så snart han kan. Dette kan gjelde prosesshandlingar frå andre partar eller partshjelparar. Omgrepet «prosesshandlingar» dekkjer mellom anna krav om sak og framlegging av nye bevis. Er det tvist dekkjer omgrepet òg framsetjing av eventuelle nye grunnlag for påstanden. Denne regelen tilsvarar tvistelova § 9-6 andre ledd første punktum, og gjeld protestar mot sjølve prosesshandlinga.

*Andre ledd første punktum* gir tvistelova § 9-6 tilsvarande verknad så langt ho høver for retten partane har til å uttale seg og setje fram motsegner, og for avgjerdene retten tek om saksbehandlinga. Dette inneber mellom anna at retten så tidleg som mogleg skal ta avgjerder om saksbehandlinga, under dette avgjerd av om eit krav om sak må avvisast, sjå tvistelova § 9-6 tredje ledd. Etter *andre ledd andre punktum* er tvistelova § 9-6 tredje ledd siste punktum ikkje gitt verknad. Tvistelova § 9-6 seier at «Er det klart grunnlag for det, kan retten frifinne saksøkte uten å ta stilling til et tvilsomt spørsmål om avvisning». Regelen passar ikkje for jordskifterettane, i og med at dei ikkje avseier frifinningsdommar.

Slik lovforslaget er utforma, er det tvistelova § 9-6 som regulerer spørsmålet om skriftleg eller munnleg saksbehandling. Tvistelova § 9-6 fjerde ledd fastset at avgjerder om saksførebuinga skal takast etter skriftleg behandling. Det må likevel haldast munnleg forhandling «når hensynet til lovens formål om rettferdig og forsvarlig behandling tilsier det». Dette inneber at retten ved avgjerda om forhandlingsmåten bør ta omsyn til om det i saka er partar som prosederer sjølve, og som vil ha lettare for å ta vare på sine interesser i ei munnleg forhandling.

#### *Til § 6-9 Sakleg og geografisk avgrensing av saka*

Paragrafen erstattar gjeldande jordskiftelov §§ 25 og 88 fjerde ledd. I lovforslaget er regelen gjort generell i høve til sakstypene. Grunnen til det er at sakleg og geografisk avgrensing vil vere nødvendig i alle saker. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.1.5.3.

I ei sivil tvistesak vil krava og påstandane partane har, setje ei ramme for domsmakta til retten. Dette følgjer av tvistelova § 11-2, og blir omtalt som «disposisjonsprinsippet». Prinsippet er òg utgangspunktet for sakene for jordskifteretten.

Etter *første ledd* skal jordskifteretten gjere ei sakleg og geografisk avgrensing av saka i samsvar med det eller dei krav som er reist, og som alle partane har fått ytre seg om. Saka skal avgrensast både i sakleg innhald og i fysisk utstrekning. Dette gjeld etter lovforslaget anten det er ei sak om fastsetjing av grense, ei rettsutgreiingssak eller ei jordskiftesak. Rettsutgreiing og fastsetjing av grenser går til vanleg inn som ein vesentleg del av arbeidet med ei jordskiftesak. Da må retten ta stilling til kor omfattande grensefastsetjing som er nødvendig for å halde jordskifte, og kva for rettstilhøve som må klarleggjast.

I høve til jordskiftedelen av saka, er essensen i første ledd at jordskiftet skal avgrensast slik at jordskifteretten kan bøte på dei utenlege eigedomstilhøva som kravet gjer greie for, ved bruk av dei verkemidla som er heimla i kapittel 3. Dersom det utenlege eigedomstilhøvet for eksempel er at minst ein eigedom har mange innmarksteigar som er for små til rasjonell jordbruksdrift, vil løysinga vere å utforme færre og større teigar. Kva for utenlege eigedomstilhøve rekvirenten meiner ligg føre, skal gå fram av kravet om sak, sjå § 6-2 tredje ledd siste punktum. I høve til jordskifte går disposisjonsprinsippet likevel ikkje så langt at partane bind retten til bruk av bestemte verkemiddel i jordskifte. Partane skal gjere greie for dei utenlege tilhøva. Retten vel verkemiddel og løysing på

saka etter å ha høyrte partane, sjå nærare omtale av disposisjonsprinsippet i kap 8.4.

Jordskifteretten kan etter *andre ledd første punktum* setje ein frist for partane til å fremje krav som gjeld den saklege eller geografiske avgrensinga av saka. Krav som er sette fram etter denne fristen, skal retten etter *andre ledd andre punktum* avvise, med mindre retten finn gode grunnar for krava. Retten skal etter *andre ledd tredje punktum* mellom anna ta omsyn til kva dei andre partane meiner om krava, og om saka vil bli forseinka mykje av ei endra avgrensing. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 25 andre ledd. Lovforslaget gjeld likevel krav om endringar i avgrensinga meir generelt, ikkje berre krav å utvide saka.

Etter *tredje ledd* skal retten ta avgjerd om avgrensinga så snart det er grunnlag for det. Avgjerda skal takast som jordskifteavgjerd, sjå lovforslaget § 6-23 fjerde ledd bokstav b.

*Fjerde ledd første punktum* opnar for at retten av eige tiltak kan utvide den geografiske ramma for ei sak om jordskifte, når dette må til for å bøte på dei utenlege eigedomstilhøva i saka. Retten kan da ta med attverande delar av dei eigedommane jordskiftet gjeld, men som ikkje var tekne med i det opphavlege kravet. Fjerde ledd avløyser gjeldande jordskiftelov § 25 tredje ledd, men slik at retten etter lovforslaget ikkje kan trekkje andre eigedommar inn i saka slik retten kan etter § 25 tredje ledd. Retten kan heller ikkje utvide jordskifteområdet meir enn det som trengst for å få løyst saka slik ho er sakleg avgrensa etter dei krava som er reiste. Dette går fram av *fjerde ledd andre punktum*.

#### *Til III Rettsmøte*

##### *Til § 6-10 Innkalling til rettsmøte*

Paragrafen gjeld innkallinga av partar, vitne og sakkunnige til rettsmøte. Den erstattar gjeldande jordskiftelov § 13. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.2.1.3.

Etter *første ledd første punktum* skal retten fastsetje når saka skal behandlast. Jordskifteretten skal etter *første ledd andre punktum* forkynne innkalling til det første ordinære rettsmøtet for alle saka vedkjem. Med formuleringa «alle saka vedkjem» i første ledd andre punktum er meint alle eigarar, alle dei som har rettar over fast eigedom (servitutthavarar), grannar og andre som saka vedkjem. Namnet til medlemmene i retten skal etter *første ledd tredje punktum* stå i innkallinga. Fristen for innkalling skal etter *første ledd fjerde punktum* vere minst to veker.

Forkynning skal òg brukast ved innkalling av partar som er pålagde å møte personleg. Det vil reknast som frávær i saka om parten ikkje møter. Frávær i saka kan innebere at det aktuelle kravet kan avgjerast ved fráværdsdom, sjå tvistelova § 16-10. Elles skal partane få slikt varsel som retten finn høveleg, for eksempel ved brev eller e-post, sjå *andre ledd*.

Etter *tredje ledd første punktum* skal partar med advokat som prosessfullmektig, kallast inn ved advokaten. Departementet har her vald same løysinga som i tvistelova § 13-2 andre ledd. Løysinga er av den grunn litt annleis enn i gjeldande jordskiftelov § 13 andre ledd. Til skilnad frå tvistelova skal partane med advokat varslast med kopi av innkallinga, slik at alle partar, både dei som har advokat og dei som ikkje har, er orientert om innkallinga til rettsmøte samstundes, sjå *tredje ledd andre punktum*. Etter *tredje ledd tredje punktum* skal ein part som retten har pålagt å møte personleg, få innkallinga forkynt sjølv om han har advokat. Denne regelen tilsvaerar tvistelova § 13-2 tredje ledd første punktum. Partar utan advokat, eller med annan prosessfullmektig enn advokat, skal kallast inn direkte.

I *fjerde ledd første punktum* førast regelen i gjeldande lov § 13 tredje ledd vidare, om summarisk innkalling. Til forskjell frå regelen i gjeldande jordskiftelov er det ikkje departementet som godkjenner summarisk innkalling. Om slik innkalling bør brukast, avgjer jordskifteretten sjølv. Det er heller ikkje lagt inn noko uttrykkeleg krav om at kjende partar skal kallast inn direkte, fordi dette må reknast for å følgje av første ledd saman med fjerde ledd. Etter *fjerde ledd andre punktum* skal det gå minst seks veker frå kunngjeringa til jordskifteretten held rettsmøtet.

Av *femte ledd* følgjer at tvistelova § 13-3 gjeld tilsvaerande for innkalling av vitne og sakkunnige til rettsmøte. Etter denne paragrafen skal mellom anna advokatar sørgje for innkalling av vitna dei skal føre, om ikkje retten bestemmer noko anna. Tvistelova § 13-3 har òg ein regel om innkallingsfrist for vitna, kva for opplysningar innkallinga skal innehalde, og innkalling av sakkunnige ved forkynning.

#### *Til § 6-11 Møte- og forklaringsplikt*

Paragrafen erstattar gjeldande jordskiftelov § 18, som viser til tvistelova kapitla 22 til 24 om partar og andre si plikt til å møte og forklare seg. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.2.1.3.

Etter *første ledd* har partar, vitne og sakkunnige som er innkalla i samsvar med lovforslaget

§ 6-10, plikt til å møte og forklare seg etter nærare reglar i § 6-15. I § 6-15 er det foreslått reglar om det materielle innhaldet i bevisplikta, mellom anna om plikta partane har til å sørgje for opplysning av saka, til å gi forklaring og bevis tilgang med meir. Reglane i tvistelova Femte del – Bevis skal òg gjerast gjeldande så langt dei høver, under dette kapittel 23 om møte- og forklaringsplikta partane har, kapittel 24 om vitnebevis og kapittel 25 om sakkunnigbevis.

*Andre ledd første punktum* gir tvistelova § 13-4 verknad for spørsmålet om gyldig frávær frå rettsmøte. Gyldig frávær ligg mellom anna føre etter tvistelova § 13-4 første ledd når «sykdom eller andre hindringer utenfor vedkommendes kontroll gjør det umulig eller uforholdsmessig byrdefullt å møte». Tvistelova § 13-4 tredje ledd regulerer spørsmålet om gyldig frávær når parten har prosessfullmektig. Etter § 13-4 fjerde ledd skal den som har gyldig frávær straks gi retten melding om dette.

*Andre ledd andre punktum* gir tvistelova § 16-10 verknad for frávær ved behandling av tvist. Frávær i saka kan innebere at det aktuelle kravet kan avgjerast ved fráværdsdom. Slik dom «skal bygge på saksøkerens påstandsgrunnlag etter § 11-2 når dette er meddelt saksøkte og ikke fremtrer som åpenbart uriktig», jf. tvistelova § 16-10 andre ledd.

#### *Til § 6-12 Saksbehandlinga i rettsmøte*

Enkelte av dei mest sentrale prinsippa i tvistelova er skrivne inn i forslaget til ny jordskiftelov. Dette gjeld særleg prinsippet i tvistelova § 9-13, om konsentrert, effektiv og forsvarleg saksbehandling. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.2.2.3.

*Første ledd første punktum* er meir generell enn tilsvaerande regel i tvistelova, ved at det er vist til behandlinga i rettsmøte, og ikkje til hovudforhandlinga. I mange saker for jordskifteretten kan det vere fleire rettsmøte. Det er likevel ikkje nødvendigvis slik at det er naturleg å kalle eit av dei for hovudforhandling. Etter *første ledd andre punktum* skal forhandlingane skje konsentrert og forsvarleg utan tidsspille for retten, partane, vitne og sakkunnige, sjå tvistelova § 9-13 andre ledd. Etter *første ledd tredje punktum* kan rettsmøte haldast som fjernmøte etter reglane i tvistelova § 13-1 andre og tredje ledd.

Prinsippet om «bevisumiddelbarhet» i tvistelova § 9-14 første ledd er òg teke inn, sjå *andre ledd*. Uttrykket «umiddelbart» i tvistelova § 9-14 første ledd, er endra til «direkte». Dette er gjort av språklege grunnar, og inneber ikkje forskjellar i

innhaldet i høve til tvistelova. Prinsippet inneber at føringa av bevis skal skje direkte for retten i rettsmøte. Partane kan sende over bevis, for eksempel dokument eller øg, men dei må i det minste vise til bevisa under rettsmøte for at dei skal kunne gå inn i grunnlaget for avgjerdene.

Ut over dette er ikkje reglane i tvistelova §§ 9-13 til 9-17, om hovudforhandlinga, gjort gjeldande» så langt dei høver» for alle sakstypar. Reglane passar ikkje for behandlinga av dei rettsendrande sakene (jordskiftesakene), men dei kan passe for behandlinga av tvistar. *Tredje ledd* er derfor utforma slik at reglane om hovudforhandlinga i tvistelova §§ 9-13 til 9-17 gjeld så langt dei høver «ved behandlinga av tvist om grenser, eigedomsrett, rettar eller anna». Formuleringa korresponderar med formuleringa i § 6-23 første ledd om kva avgjerdsform ein skal bruke ved tvist i rettsfastsetjande spørsmål (dom).

#### Til § 6-13 Rettsbok

Paragrafen avløyser gjeldande jordskiftelov § 22 tredje ledd. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.2.3.3.

*Første ledd første punktum* pålegg jordskifteretten å føre rettsbok i rettsmøte. *Første ledd andre punktum* gir tvistelova kapittel 13 II Rettsbøker tilsvarende verknad for føringa av rettsboka. Ordninga blir dermed den same som etter gjeldande jordskiftelov § 22 tredje ledd.

*Andre ledd* seier at partane skal ha tilgang til rettsboka. Andre ledd tilsvarende gjeldande jordskiftelov § 22 tredje ledd tredje punktum. Regelen er likevel utforma slik at partane skal ha tilgang til rettsboka, og ikkje (som etter gjeldande jordskiftelov) slik at retten bør sende utskrift til partane etter kvart rettsmøte. Utsending skulle ikkje vere nødvendig for å halde partane informerte om framdrifta i sakene i dag. Det må vere nok at retten legg til rette for at partane får tilgang til rettsboka gjennom for eksempel nettbaserte løysingar, og at retten informerer partane på høveleg måte om kor dei kan finne ho. I tillegg til denne regelen gjeld dessutan tvistelova kapittel 14, om offentlegheit og innsynsrett, tilsvarende for jordskifterettane, sjå § 6-1 bokstav i.

#### Til IV Generelle reglar

##### Til § 6-14 Grunnlaget for avgjerdene

Paragrafen tilsvarende tvistelova § 11-1 Grunnlaget for rettens avgjørrelser. Ordlyden er likevel annleis enn i tvistelova. Dette har samanheng med at jordskifteprosessen ikkje samsvarar fullt ut med pro-

sessen for dei ordinære domstolane, der hovudforhandling eller ei munnleg sluttbehandling normalt utgjer grunnlaget for avgjerda retten tek. Jordskifteprosessen er øg basert på munnleg behandling og føring av bevis i rettsmøte, men det er meir sjeldan at dette skjer i eit enkelt rettsmøte som det er naturleg å samanlikne med ei hovudforhandling. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.3.1.3.

Etter *første ledd* skal jordskifteretten ta avgjerdene sine på grunnlag av behandlinga i rettsmøte, under dette synfaringar som øg er rettsmøte, dokumenta i saka og andre bevis som leggjast fram. Slik er det øg i dag. Uttalane til partane om forslag til jordskifteløysing, og forslag til fastsetjing av grenser, rettar og anna etter lovforslaget §§ 6-21 og 6-22, går øg inn i grunnlaget for avgjerda. I jordskiftesakene skal den endelege jordskifteløysinga øg byggje på verdsetjing etter lovforslaget § 3-14. Ordlyden i første ledd refererer ikkje direkte til hovudforhandling, men til rettsmøte meir generelt. Om saka er ei tvistesak og skal behandlast med hovudforhandling, går øg hovudforhandlinga inn i grunnlaget for avgjerda. Regelen fangar øg opp den moglegheita retten har til å ta avgjerder etter forhandlingar i rettsmøte under saksførebuinga, sjå tvistelova § 9-5 fjerde ledd.

*Andre ledd første punktum* gir uttrykk for kontradiksjonsprinsippet, jf. tvistelova § 11-1 tredje ledd første punktum som seier at «Retten kan ikke bygge avgjørelsen på et faktisk grunnlag partene ikke har hatt foranledning til å uttale seg om». Dette er eit av dei mest sentrale prinsippa i sivilprosessen, og bør kome til uttrykk øg i den nye jordskiftelova. Ordlyden i lovforslaget skil seg litt frå tvistelova, av språklege grunnar, men innhaldet er det same. Omgrepet «oppmoding», er meint å dekke omgrepet «foranledning» i tvistelova § 11-1 tredje ledd første punktum. *Andre ledd andre punktum* (om kva retten må gjere dersom den vil byggje ei avgjerd på noko som ikkje har fått kontradiktorisk behandling) er øg gitt ei meir lettlest formulering enn i tvistelova § 11-1 tredje ledd andre punktum. Kontradiksjonsprinsippet gjeld det faktiske grunnlaget i saka, ikkje det rettslege. For jordskifterettane, som for dei ordinære domstolane, gjeld prinsippet i tvistelova § 11-3, om at retten av eige tiltak brukar gjeldande rettsreglar, uavhengig av om partane har uttalt seg om rettsreglane, eller kva dei har uttalt. Retten har både rett og plikt til å bruke gjeldande rettsreglar, og sørgje for riktig rettsbruk. Retten er ikkje bunden av kva partane meiner om rettsreglane, heller ikkje om dei er samde om tolkinga av



dei. Rettsbruken må likevel skje innanfor ramma av kravet og påstandane til partane, sjå tvistelova § 11-2. Reglane i kapittel 11 i tvistelova gjeld tilsvarende for jordskifterettane så langt dei høver, sjå § 6-1 andre ledd bokstav f.

#### *Til § 6-15 Bevis*

Dei kapitla i tvistelova som gjeld bevis (kapitla 21 til 28 i femte del i lova), er alle gjort gjeldande for behandlinga i jordskifterettane, sjå gjeldande jordskiftelov § 97. I gjeldande jordskiftelov § 15 er dessutan gitt ein regel som seier at «Så snart retten gir partane høve til det, skal dei setje fram og grunngi krava sine, føre prov og gi dei opplysningane som blir kravde». Etter gjeldande jordskiftelov § 18 har partar og vitne plikt til å møte og forklare seg i samsvar med reglane i kapitla 22 – 24. Høyringsforslaget har reglar om bevis i §§ 6-16 og 6-27. Viktige reglar om føring av bevis er òg gitt i tvistelova kapittel 11. Tvistelova § 11-2 andre ledd gir partane hovudansvaret for å sørgje for bevisføring. Reglane om bevis gjeld det faktiske grunnlaget for avgjerda i sakene. Grunngivinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.3.2.3.

Etter *første ledd første punktum* skal partane sørgje for at saka blir rett og fullstendig opplyst. Dei skal etter *første ledd andre punktum* greie ut om saka og tilby dei bevisa dei har. Dei har etter *første ledd tredje punktum* plikt til å gi forklaringar og bevistilgang. Reglane tilsvarende tvistelova § 21-4 første ledd. Reglane gir partane ansvaret for å gi dei forklaringane og leggje fram dei bevisa som er nødvendige for å få saka godt nok opplyst. Så langt råd er, skal rekvirenten ta med bevisa alle-reie når kravet reisast, sjå lovforslaget § 6-2 andre ledd bokstav e. Andre partar bør føre bevis når dei gir merknader til sakskravet etter § 6-5 første ledd.

*Andre ledd* gir partane plikt til å opplyse om bevis dei ikkje har hand om, og som dei ikkje har grunn til rekne med at andre partar er kjende med. Regelen tilsvarende tvistelova § 21-4 andre ledd første punktum.

*Tredje ledd* slår fast at plikta gjeld anten beviset er til støtte for parten sjølv, eller for dei andre partane. Denne regelen tilsvarende tvistelova § 21-4 andre ledd andre punktum.

Etter *fjerde ledd første punktum* kan jordskifteretten sørgje for å føre bevis, om ikkje partane set seg i mot det. Retten er etter *fjerde ledd andre punktum* ikkje bunden av argumentasjonen partane har om bevis. Desse reglane svarar til tvistelova § 11-2 andre ledd, jf. òg § 21-3 andre ledd.

*Femte ledd* seier at retten kan nytte sakkunnig hjelp i særskilde spørsmål når han meiner det trengst. Regelen fører vidare gjeldande jordskiftelov § 94. Regelen er teken med mest av omsyn til informasjon. Regelen er no dekt av tvistelova § 25-2 første ledd, som seier at retten kan oppnemne sakkunnig etter krav frå ein part, eller av eige tiltak. Det kan retten gjere når det er nødvendig for å få eit forsvarleg faktisk grunnlag for avgjerda.

Etter *sjette ledd* skal kapitla 21 til 28 gjelde så langt dei høver for bevisføringa i jordskifteretten. Kapittel 22 inneheld reglar om forbod mot bevis og fritak for bevis. Kapittel 23 har reglar om møte- og forklaringsplikta til partane. Kapittel 24 har reglar om vitnebevis, mellom anna om plikta til å vitne og møte. Kapittel 25 har reglar om sakkunnigbevis, det vil seie fagkunnige vurderingar av faktiske tilhøve i saka. Kapittel 26 har reglar om realbevis det vil seie «personer eller gjenstander» (som for eksempel kan vere fast eigedom eller dokument) som kan bidra til å opplyse det faktiske grunnlaget for avgjerda i saka. Kapittel 27 gjeld bevisopptak og kapittel 28 bevissikring utanfor retts sak. Lovforslaget § 6-1 andre ledd bokstav p viser òg til dei same kapitla. Denne «dobbeltilvisinga» er teken inn av omsyn til informasjon.

Dei bevisa som blir førte, inngår i grunnlaget for avgjerdene til jordskifteretten, sjå lovforslaget § 6-14 første ledd. Retten kan ikkje byggje avgjerdene på eit faktisk grunnlag som partane ikkje har hatt oppmoding («foranledning») til å gi merknader om, sjå lovforslaget § 6-14 andre ledd og tvistelova § 11-1 tredje ledd. Det gjeld òg eit krav til kontradiksjon omkring dei faktiske tilhøva retten kan leggje til grunn. Dette i motsetnad til rettsbruken, der retten kan byggje på ein annan rettsbruk enn det partane har lagt til grunn, utan at partane må få høve til å uttale seg om spørsmålet.

#### *Til § 6-16 Rettleiing og retting*

Plikta til å gi rettleiing er eit sentralt prinsipp i prosesslovgivinga. Gjeldande jordskiftelov har ikkje uttrykkelege reglar om plikta jordskifterettane har til å gi rettleiing, men lovfesting følgjer likevel av at tvistelova kapittel 11 gjeld for jordskifterettane, jf. gjeldande jordskiftelov § 97. Innhaldet i plikta til å gi rettleiing vil i utgangspunktet vere det same for jordskifterettane som for dei allminnelege domstolane. Grunngivinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.3.3.3.

*Første til fjerde ledd* gjengir innhaldet i tvistelova § 11-5 første, andre, sjette og sjuande ledd, som er dei delane av tvistelova § 11-5 som depar-

tementet meiner det er mest grunn til å framheve i høve til sakene for jordskifteretten.

Innhaldet i plikta til å rettleie går fram av *første ledd første punktum*. I den grad det er nødvendig, kan retten òg gi eventuelle prosessfullmektigar rettleiing. Etter *første ledd andre punktum* skal retten søkje å forebyggje feil og han skal gi rettleiing slik at feilen kan rettast opp. Er retten klar over at det er gjort feil, vil retten ha ansvar for å gjere oppmerksom på feilen, slik at den kan rettast.

Jordskifterettane vil òg ha ei spesiell plikt til å informere om det som er spesielt for jordskifterettane si verksemd, mellom anna om kva for spesielle sakstypar retten behandlar, kva for verkemiddel jordskifterettane har, og dei særlege reglane om sakskostnader som gjeld.

Særleg viktig er rettleiing til dei sjølvprosederande partane, som det er fleire av i saker for jordskifterettane enn i saker for tingrettane. Plikta til å rettleie i høve til partar som prosederer sjølve er særskilt nemnt i *tredje ledd*. Partar som prosederer sjølve vil normalt ha behov for rettleiing om dei fleste sidene ved saksbehandling og prosedyrar for retten.

Etter *fjerde ledd første punktum* må retten utøve rettleiinga på ein måte som gjer at partane ikkje mister tilliten til at retten opptre upartisk.

Plikta til å rettleie omfattar både prosessuell rettleiing (*første ledd*) og materiell rettleiing (*andre ledd*). Prosessuell rettleiing etter *første ledd*, om «reglar og rutinar for saksbehandlinga og andre formelle tilhøve» gjeld mellom anna orientering om prosessuelle tilhøve som kan føre til at saka ikkje kan behandlast, om at ei avgjerd kan angripast ved anke, om fristar og så vidare. Materiell rettleiing kan mellom anna gå ut på at retten oppfordrar partane til å ta stilling til faktiske og rettslege spørsmål som har noko å seie i saka.

Retten skal etter *fjerde ledd andre punktum* ikkje gi partane råd om kva for standpunkt dei bør ta i tvistespørsmål, eller kva for prosesshandlingar dei bør setje i verk. Retten skal heller ikkje gi partane direkte råd om kva for krav dei bør fremje, kva deira påstandar bør gå ut på, eller kva for grunnlag for påstanden og rettsreglar dei bør vise til. Retten skal likevel kunne gi rettleiing eller orientering om rettsreglar, slik at partane får eit rimeleg godt grunnlag for sjølv å ta stilling til kva for prosesshandlingar dei bør foreta. Dette er særleg aktuelt overfor partar som prosederer sjølve.

Ein del av bistanden domstolane gir til partane, kan vere å setje opp skriftleg dei munnlege prosesshandlingane som partane gjer, sjå tvistelova § 12-1. Etter tvistelova kan ein dommar som gir slik bistand med eit prosesskriv, ikkje delta i

den vidare behandlinga av saka, sjå tvistelova § 12-1 fjerde ledd. Som det går fram av kapittel 12.4.6 foreslår departementet mildare reglar når det gjeld spørsmålet om inhabilitet for jordskiftedommarane.

Ut over dei reglane om plikta til å rettleie som er tekne direkte inn i lovforslaget § 6-16, gjeld tvistelova § 11-5 tilsvarande for rettleiing av partane, sjå *femte ledd*.

*Sjette ledd* gir tvistelova § 16-5, om mangelfulle prosesshandlingar, tilsvarande verknad for retting av feil. Tvistelova § 16-5 bestemmer mellom anna at retten kan setje frist for retting av manglar som kan avhjelpast. Retten skal gi nødvendig rettleiing med opplysning om kva følgjer det vil få om manglane ikkje blir retta. Ein part som er sterkt å laste skal berre få høve til retting om tungtvegande grunnar taler for det.

#### *Til § 6-17 Minneleg løysing av saker for jordskifteretten*

Lovforslaget § 6-17 gjeld mekling og minnelege løysingar i dei sakene som blir reist for jordskifteretten. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.3.4.3.

Paragrafen avløyser gjeldande jordskiftelov § 17 siste ledd. Etter gjeldande jordskiftelov § 97 gjeld òg tvistelova kapittel 8 I (§§ 8-1 og 8-2) om minnelig løysing og mekling tilsvarande for jordskifterettane, så langt dei høver. Lovforslaget § 6-17 har langt på veg same innhald som tvistelova § 8-1. Dette kunne tilseie at ein ikkje treng eigne reglar om minnelig løysing og mekling i jordskiftelova. Når departementet likevel foreslår slike reglar i den nye lova, har det samanheng med at det ikkje er krav om behandling i forlikrådet i dei sakene jordskifteretten behandlar, sjå drøftinga i kap 12.4.4. om dette.

*Første ledd* pålegg retten på eit kvart steg i saka å vurdere om det gjennom mekling er mogleg å finne minnelege løysingar, jf. uttrykksmåten «skal vurdere». Dette gjeld likevel ikkje dersom karakteren saka har, eller tilhøva elles, talar imot ei slik løysing. Regelen er ein parallell til tvistelova § 8-1 første ledd, men litt enklare utforma.

*Andre ledd* har same innhald som tvistelova § 8-2 første ledd, og regulerer korleis meklinga skal gå føre seg. *Andre ledd første punktum* seier at mekling skal skje ved at retten i rettsmøte, eller eventuelt ved anna kontakt med partane, søkjer å leggje grunnlaget for ei minneleg løysing. *Andre ledd andre punktum* seier at under meklinga skal retten ikkje halde møter med partane kvar for seg, eller ta imot opplysningar som ikkje kan gjerast kjende for alle partar. Retten kan etter *andre ledd*

*tredje punktum* ikkje gi råd, gi uttrykk for synspunkt eller setje fram forslag til løysingar som er eigna til å svekkje tilliten til at retten er upartisk.

Formålet med forbodet mot sær møter, og å ta i mot opplysningar som ikkje kan gjerast kjende for alle paratar, er å hindre at det skal oppstå tvil om at dommaren er upartisk. Det kan i tilfelle oppstå problem med habiliteten i høve til seinare avgjerder i saka. Av same grunnar skal dommaren heller ikkje setje fram forslag til løysingar, eller gi råd som kan svekkje tilliten partane har til retten. Tilsvarende skrankar gjeld i høve til rettleiing av partane etter § 6-16, jf. òg tvistelova § 11-5.

Meklinga skal skje ved ein jordskiftedommar. Andre enn jordskiftedommarane kan likevel drive utanrettsleg mekling etter tvistelova kapittel 7, og teknisk personale ved jordskifterettane kan mekle etter lovforslaget § 6-18.

Departementet foreslår ikkje ein regel tilsvarende tvistelova § 8-2 andre ledd, om at resultatet av meklinga kan gjerast som rettsforlik. Dette er likevel ikkje til hinder for rettsforlik, men departementet foreslår avgrensingar i høve til rettsforlik i lovforslaget § 6-26, ved at partane berre kan inngå rettsforlik for jordskifteretten i slike spørsmål som retten kan avgjere ved dom. Dette gjeld da i spørsmål om «grenser, eigedomsrett, rettar og anna», jf. lovforslaget § 6-23 første ledd.

#### *Til § 6-18 Rettsmekling*

I gjeldande jordskiftelov kapittel 11a Mekling er det gitt heimel for Kongen til fastsetje nærare forskrifter om arealmekling og om forsøksordning om utvida mekling i jordskifterettane (rettsmekling), sjå gjeldande jordskiftelov § 89 b første ledd. I § 89 b andre ledd er det gitt føresegner om kva forskrifta kan innehalde. Slik forskrift er gitt av Landbruks- og matdepartementet 22. januar 2007 (FOR 2007-01-22 nr 80). Forskriftsreglane om rettsmekling ligg nær opp til reglane i tvistelova. Det er likevel gjort nødvendige tillempingar av omsyn til dei spesielle sakstypene jordskifteretten behandlar, sjå nærare om dette i kapittel 12.3.3.4.3. Forskrifta skipar ei prøveordning som gjeld fram til 1. april 2015.

Etter *første ledd* gjeld reglane om rettsmekling i tvistelova kapittel 8 II (§§ 8-3 til 8-7) tilsvarende så langt dei høver, og så langt det er snakk om tvist om grenser, eigedomsrett, rettar og anna innanfor kompetanseområdet til jordskifteretten. Reglane gjeld òg anten tvisten blir behandla som eiga sak, eller er del av ei jordskiftesak. Reglane om rettsmekling høver ikkje for behandlinga av rettsendrande spørsmål (jordskifte).

Det er retten som avgjer om det skal setjast i verk rettsmekling, sjå tvistelova § 8-3 første ledd. Det same følgjer av rettsmeklingsforskrifta § 2. Ved avgjerda skal retten etter tvistelova § 8-3 andre ledd leggje vekt på haldninga partane har til rettsmeklinga og om det er mogleg å oppnå «forlik eller forenkling i saken». Det skal òg leggjast vekt på styrkeforholdet mellom partane, kostnadene ved rettsmekling, tidlegare forsøk på mekling eller andre tilhøve som kan gjere at rettsmekling ikkje bør setjast i verk. Tvistelova §§ 8-4 til 8-7 har reglar om kven som kan vere rettsmeklar, saksbehandlinga og innhaldet i rettsmeklinga, bevisforbod og teieplikt, og den vidare saksbehandlinga dersom ein ikkje oppnår semje.

Av *andre ledd* følgjer det at resultatet av meklinga kan fastsetjast ved rettsforlik etter lovforslaget § 6-26, dersom partane blir samde. Dei grensene § 6-26 set når det gjeld kva ein kan inngå rettsforlik om for jordskifterettane, gjeld altså tilsvarende i høve til rettsforlik etter rettsmekling.

I *tredje ledd første punktum* er det bestemt at det tekniske personalet til jordskifteretten kan opptre som rettsmeklarar. Teknisk personale vil dermed kunne avlaste jordskiftedommarane for arbeidsoppgåver.

Dersom saka ikkje blir avslutta under meklinga, held behandlinga av saka fram. Ein dommar som har vore rettsmeklar i saka kan berre delta i den vidare behandlinga dersom partane ber om det, og dommaren sjølv finn det «ubetenkelig», jf. tvistelova § 8-7 andre ledd. I *tredje ledd andre punktum* er det teke inn ein særregel for det tekniske personalet som er rettsmeklarar og som inneber at desse kan delta i det vidare tekniske arbeidet med saka, med mindre partane krev at nytt personale tek over dette arbeidet. Utgangspunktet er det motsette av kva det er for dommaren. Det tekniske personalet skal seinare ta seg av teknisk arbeid, som oppmåling og utarbeiding av kart med meir, og ikkje dømme i saka. Dette gjeld òg ved utsett merking, jf. lovforslaget § 6-23 fjerde ledd bokstav c.

Etter *fjerde ledd* skal retten merkje, koordinatfeste, tinglyse og rapportere resultatet av meklinga etter reglane i lovforslaget §§ 6-29 til 6-31.

#### *Til § 6-19 Trekking av krav*

*Første ledd* slår fast at partane ikkje kan trekkje eit krav om jordskifte, når det er ført inn i rettsboka at behandlinga av saka er teke til, med mindre retten samtykkjer i trekkinga. Regelen har samanheng med at det etter lovforslaget ikkje lenger

skal avseiast vedtak om fremjing av saka, slik det skal etter gjeldande jordskiftelov § 14 første ledd.

Vilkåret om at retten må samtykkje, inneber ikkje at retten står heilt fritt til å vurdere om partane skal få samtykke. Det at det offentlege har brukt tid og ressursar på å løyse saka, er ikkje tilstrekkeleg grunn til å nekte samtykke. Det kan likevel innebere at partane må betale sakskostnader til det offentlege, sjå lovforslaget § 7-7 første ledd. Jo lenger saka er komen, jo mindre skal det til for å ikkje gi samtykke. Det sentrale vurderingstemaet må vere kor mykje som må reverse-rast. Arbeidet med reversering må vegast mot det arbeidet partar og retten har gjort, og kor mykje som står igjen før saka kan sluttast dersom den ikkje blir trekt.

Departementet reknar med at regelen sjeldan blir aktuell i praksis, fordi partane opptrer rasjonelt. Og sjølv om rekvirenten skulle ønskje å trekkje kravet, kan det vere at saka likevel må halde fram, fordi dei andre partane ønskjer det. Regelen er likevel viktig. Den viser at jordskifteretten har eit sjølvstendig ansvar. Den inneber at retten må gi partane rettleiing om konsekvensane av å ta del i realitetsbehandlingsa i ei sak for jordskifteretten. Jo meir omfattande arbeid som må gjerast før saka er ferdig, jo meir grunn til rettleiing. Jo meir oversiktleg og enklare sak, jo mindre behov for rettleiing, sidan ein da sannsynlegvis vil gi samtykke til å trekkje kravet. Det er òg viktig å informere partane om konsekvensen av reversering av utført arbeid dersom krav blir trekte.

Av *andre ledd første punktum* følgjer at krav om grensefastsetjing og rettsutgreiing kan trekkjast fram til retten tek avgjerd ved dom etter § 6-23. Dette er same ordninga som etter tvistelova § 18-4. Det trengst ikkje samtykke frå retten etter andre ledd første punktum. Etter *andre ledd andre punktum* gjeld tvistelova § 18-4 ikkje. Tvistelova § 18-4 regulerer verknadene av å trekkje eit krav for dei ordinære domstolane. Unntaket er nærare drøfta i kapittel 12.4.8.

#### *Til § 6-20 Delvis avslutting av sakene*

Paragrafen erstattar gjeldande jordskiftelov § 21. *Første punktum* seier at retten kan avslutte ei sak for ein del av det saka gjeld. Regelen er viktig i høve til dei sakene der delar av jordskifteområdet, eller ei gruppe av partar, kan få saka avslutta vesentleg tidligare enn dei vil få ved ei samla avslutting av saka. Delvis avslutting kan òg vere praktisk der det er tvistar som berre gjeld delar av jordskifteområdet, eller nokre få partar. I nokre saker kan det vere praktisk å avslutte «eit tema» i

saka for seg, for eksempel slik at retten tek avgjerd og avsluttar den delen av ei sak som gjeld vegane i jordskifteområdet. Konsekvensen er at kvar del som blir avslutta i ei jordskiftesak, må oppfylle vilkåra i lova om at ingen skal li tap. Det vil òg kunne vere slik at delavgjerder, for eksempel fastsetjing av grense og avgjerder om rettsutgreiing, blir ståande sjølv om det jordskiftet dei inngår i, seinare må avvisast fordi det visar seg at dei materielle vilkåra for sak ikkje kan oppfyllest.

Til forskjell frå gjeldande jordskiftelov er det ikkje teke inn noko vilkår om at avgjerda til retten skal vere samrøystes, om det er fleire dommarar i saka. Departementet ser ikkje grunn til å ha eit slikt krav, når hovudregelen i lova er at retten skal setjast med einedommar, sjå lovforslaget § 2-6. Vilkåret om at delvis avslutting skal vere tenleg, er heller ikkje teke med. Det er vel i alle høve eit nokså sjølvstendig vilkår at retten ikkje skal gjere noko som ikkje er tenleg for den vidare behandlinga av saka.

Etter *andre punktum* skal kvar del av saka som avslutta for seg, bli rekna som ei eiga sak med omsyn til fullføring, overprøving (bruk av rettsmidlar) og ny behandling. Når ein del av ei sak blir avslutta, gjeld dette i alle relasjonar.

#### *Til V Forslag til jordskifteavgjerd og fastsetting av grenser, rettar og anna*

Grunngivinga for forslaget til §§ 6-21 og 6-22 går fram av kapittel 12.3.3.5.3.

#### *Til § 6-21 Forslag til jordskifteavgjerd*

Lovforslaget § 6-21 avløyser gjeldande jordskiftelov §§ 17 a andre ledd og 20.

Etter *første ledd* skal jordskifteretten utarbeide forslag til jordskifteavgjerd, som skal leggjast skriftleg fram for partane. Kva for avgjerder som er «jordskifteavgjerder», går fram av lovforslaget § 6-23 fjerde ledd. Jordskifteavgjerder kan for eksempel vere delavgjerder av ymse slag undervegs i eit jordskifte, eller den endelege jordskifteløysinga. Forslag til slike avgjerder skal leggjast fram skriftleg for partane. Etter første ledd ligg plikta til å utarbeide forslag til jordskifteretten, men regelen er ikkje til hinder for at partane sjølv lagar forslag til avgjerder, som retten vurderer og behandlar etter reglane i lova.

Retten kan avgrense framlegginga til dei partane det aktuelle spørsmålet og den aktuelle avgjerda gjeld for. Ei jordskiftesak kan gjelde eit stort område med eit stort tal partar. Det kan vere nødvendig å ta ei rekkje delavgjerder, som gjeld

berre nokre av partane. Retten treng ikkje leggje forslaga fram for partar som spørsmålet ikkje har noko å seie for.

Etter *andre ledd første punktum* skal partane få uttale seg før det blir utarbeidd forslag til avgjerd. Forslaget blir utarbeidd på grunnlag av dei merknadene som kjem inn og dei vurderingane retten sjølv gjer. Dette er same ordninga som etter gjeldande jordskiftelov § 17 a andre ledd, men slik at regelen i andre ledd ikkje er avgrensa til «verdsetjing og regulering» slik den er i gjeldande jordskiftelov.

I *andre ledd andre punktum* er det bestemt at partane òg skal få uttale seg til dei merknadene til forslaget, som kjem inn. Dette følgjer òg av gjeldande jordskiftelov § 17 a andre ledd tredje punktum, og er eit viktig element for å sikre kontradiktorisk behandling av spørsmåla før det blir teke avgjerd.

*Tredje ledd* seier at fristen for uttale normalt ikkje skal vere kortare enn to veker. Partane vil i dei fleste tilfella trenge ei viss tid til å vurdere dei spørsmåla retten tek opp, og til å vurdere dei konkrete forslaga retten kjem med. Regelen er likevel ikkje til hinder for at retten kan setje ein kortare frist når tilhøva gjer det tilrådeleg. Partane kan òg seie frå seg høyringsfristen, og be retten ta avgjerd straks. Føresetnaden for dette må vere at partane er samde om framgangsmåten. Retten bør i slike tilfelle gi partane rettleiing, og forklare at ein fråvik hovudregelen i lova.

Etter *fjerde ledd første punktum* skal forslaget til jordskifteavgjerd behandlast i rettsmøte. *Fjerde ledd andre punktum* fastset at skriftleg behandling kan brukast, dersom jordskifteretten meiner det «held», og ingen av partane set seg i mot det. Gjeldande jordskiftelov § 20 har eit absolutt krav om behandling i rettsmøte, men dette er mjuka opp i lovforslaget. Skriftleg behandling kan i nokre høve vere praktisk, og lova bør gjere dette mogleg. Synet partane har på behandlingsmåten vil likevel vere avgjerande.

#### *Til § 6-22 Forslag til fastsetjing av grenser, rettar og anna*

Lovforslaget § 6-22 avløyser gjeldande jordskiftelov §§ 17 a tredje til femte ledd.

Etter *første ledd* skal retten, dersom det ikkje er tvist mellom partane, utarbeide forslag til fastsetjing av grenser, eigedomsrett, rettar og anna som skal leggjast skriftleg fram for partane. Den fastsetjinga det er snakk om her, er avklaring av gjeldande rett mellom partane, med omsyn til kor grensene mellom eigedommane deira går, kven

som har eigedomsrett til kva for areal, kva for bruksrettar dei har på eigedom som andre eig og så vidare. Den endelege fastsetjinga av rettstilhøva skal skje ved dom, sjå lovforslaget § 6-23 første ledd. Rettsfastsetjande avgjerder går gjerne inn som ein nødvendig del av førebuinga av jordskifte, før omforminga tek til, sjå lovforslaget § 3-13. Det kan òg reisast sak om slike spørsmål som sjølvstendig sak etter lovforslaget §§ 4-1 og 4-2.

Det er ein føresetnad for behandling etter lovforslaget § 6-22 at det ikkje er tvist mellom partane. Er det tvist, skal ein følgje reglane i tvistelova så langt dei høver, sjå lovforslaget § 6-12 tredje ledd.

Partane skal få høve til å uttale seg før forslaget blir utarbeidd, sjå *andre ledd første punktum*. Dette er same regel som for forslag til jordskifteavgjerd, sjå lovforslaget § 6-21. Forslaget blir utarbeidd på grunnlag av dei merknadene som kjem inn og dei vurderingane retten sjølv gjer. Partane skal òg få uttale seg til dei merknadene som kjem inn, sjå *andre ledd andre punktum*. Dette er eit viktig element for å sikre kontradiktorisk behandling av spørsmåla før retten tek avgjerd.

Etter *tredje ledd* skal forslaget byggje på det partane er samde om. Partane kan for eksempel bli samde under synfaringa, om grenser som tidlegare var uklare for dei. Så langt partane er samde, vil framlegging av utkast vere ein kontroll med at avgjerda ikkje inneheld feil eller mistydingar, og at partane framleis er samde. Retten kan ikkje leggje til grunn semje om grenser som i realiteten inneber ei overføring av eigedom mellom partane.

Forslag til avgjerd skal etter *fjerde ledd* forkynast for partane. Etter *femte ledd* skal fristen for merknader normalt ikkje vere kortare enn to veker. Partane vil i dei fleste tilfella trenge ei viss tid til å vurdere dei spørsmåla retten tek opp, og til å vurdere dei konkrete forslaga retten kjem med. Men regelen er ikkje til hinder for at retten kan setje ein kortare frist når tilhøva gjer det tilrådeleg. Partane kan òg seie frå seg høyringsfristen, og be retten ta avgjerd straks. Føresetnaden for dette må vere at partane er samde om framgangsmåten. Retten bør i slike tilfelle gi partane rettleiing, og forklare at ein fråvik hovudregelen i lova.

Etter *sjette ledd* skal forslaget til rettsfastsetjing behandlast skriftleg, om ikkje retten eller nokon av partane meiner det er nødvendig med behandling i rettsmøte. Gjeldande jordskiftelov § 17 a tredje og fjerde ledd har ikkje noko uttrykkeleg krav om rettsmøte. Gjeldande jordskiftelov § 17 a femte ledd set som vilkår for å behandle eit vedtak utan uttalefrist, at vedtaket er lest opp for partane i eit rettsmøte, og at dei seier frå seg retten til for-

kynning. Skriftleg behandling vil i mange tilfelle vere praktisk, og er hovudregelen for behandlinga av forslag til rettsfastsetjing etter lovforslaget. Behandling i rettsmøte kan for eksempel vere aktuelt der retten ser det som nødvendig å behandle forslag etter lovforslaget §§ 6-21 og 6-22 i same rettsmøtet.

#### *Til VI Rettslege avgjerder og rettsforlik*

##### *Til § 6-23 Avgjerdsformer*

Paragrafen gjeld dei avgjerdsformene jordskifteretten skal gjere bruk av. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.4.1.3.

Etter gjeldande jordskiftelov § 17 avseier retten dom når han avgjer tvist om grenser, om bruksrett eller anna innan jordskifteområdet, eller mot ein tilgrensande eigedom eller bruksrett. Tvist i saker om rettsutgreiing og fastsetjing av grense skal òg avgjerast ved dom. Det same gjeld tvist i skjønssaker om underliggjande rettshøve (om grenser, eigedomsrett med vidare), som det er nødvendig å få avgjort. Etter gjeldande jordskiftelov § 17 a brukast «vedtak» når det blir teken avgjerd som gjeld «grenser, rettar eller plikter for ein eller fleire partar» og retten ikkje skal seie dom (med andre ord når det ikkje er tvist). Dette gjeld både ved rettsfastsetjing og rettsendring. Vedtak blir òg brukt ved avgjerd av spørsmålet om fremjing etter gjeldande jordskiftelov § 14. I tvistelova § 19-1 er det bestemt når avgjerdsformene dom, kjennelse og beslutning skal brukast. Reglane her er gjort gjeldande for jordskifteprosessen gjennom gjeldande jordskiftelov § 97 første ledd bokstavane a og b, og § 17 b.

*Første til fjerde ledd* seier kva for avgjerdsformer jordskifteretten skal bruke etter den nye jordskiftelova. Alle avgjerdsformene er nemnt. Avgjerdsformene er *jordskifteavgjerd*, som jordskifteretten er aleine om å bruke, men òg dei som er omhandla i tvistelova: *dom*, *orskurd* (kjennelse) og *vedtak* (beslutning). I tillegg er òg skjønn og andre avgjerder etter andre lover tekne med i § 6-23 (men da gitt forma «jordskifteavgjerd» når dei blir behandla i samband med jordskiftesak). Dette gjer det greitt å få oversikt over kva for avgjerdsformer jordskifteretten gjer bruk av, og kvar dei ulike avgjerdsformene skal brukast.

Lovforslaget § 6-23 er uttømmande når det gjeld kva for avgjerdsformer jordskifteretten gjer bruk av når den behandlar saker etter jordskiftelova, eller skjønn og andre avgjerder i samband med jordskifte. Behandlar jordskifteretten skjønn eller andre avgjerder som eiga sak følgjer det av lovforslaget §§ 5-7 andre ledd og 6-1 tredje ledd at

skjønnsprosesslova gjeld. Ordlyden i reglane om dom, orskurd og vedtak er elles tilpassa det at jordskifteretten er ein særdomstol med avgrensa domsmyndigheit i høve til dei ordinære domstolane. Reglane i lovforslaget § 6-23 utgjer fundamentet for rettsmiddelordninga. Kva for avgjerdsform som er brukt, har for eksempel noko å seie for samansetjinga av lagmannsretten som ankeinstans, sjå lovforslaget § 8-7.

Etter *første ledd* skal retten seie dom når det skal takast avgjerd «om grenser, eigedomsrett, rettar og anna». Dom skal brukast når retten tek avgjerd om materielle rettsspørsmål, anten spørsmålet blir avgjort i ei eiga sak, om for eksempel grensene for ein eller fleire eigedommar, eller om avgjerda er ein nødvendig del av førebuinga av eit jordskifte, jf. lovforslaget § 3-13. Dette er same løysinga som etter gjeldande jordskiftelov § 17. Nye grenser og rettstilhøve som del av ei jordskifteløysing, skal fastsetjast ved jordskifteavgjerd etter fjerde ledd bokstav h, sjå nedanfor. Formuleringa » rettar og anna» omfattar ulike slag bruksrettar og servituttar som knyt seg til fast eigedom.

Avgjerdsforma er «dom» sjølv om det ikkje er tvist mellom partane, sjå nærare om dette i kapittel 12.3.4.1.3. I lovforslaget § 6-22 om forslag til fastsetjing av grensar, rettar og anna, er det gitt særlege reglar om saksbehandling, mellom anna om at retten skal utarbeide forslag til fastsetjinga, og at partane skal få uttale seg til forslaget. Forslaget skal byggje på det partane er samde om. Der som partane godtek forslaget (eventuelt etter justeringar), tek retten avgjerd i form av dom.

*Andre ledd* gjeld *orskurd* (kjennelse). Orskurd er avgjerdsforma for avgjerder som gjeld saksbehandlinga (prosessen), på same måte som etter tvistelova § 19-1 andre ledd. Det følgjer av andre ledd bokstavane a til d kva for avgjerder retten tek som orskurd. Etter *bokstav a* gjeld dette når retten avviser ei sak fordi dei formelle vilkåra for å ta opp saka ikkje er oppfylte. Det blir her mellom anna sikta til om saka er reist for rett jordskifterett, at den som krev saka fyller vilkåra i lovforslaget § 1-5 for å kunne reise sak, at kravet fyller krava til form og innhald i lovforslaget § 6-2 og så vidare. Er dei formelle vilkåra ikkje oppfylte, skal saka avvisast ved orskurd. Avgjerd av om dei materielle vilkåra for jordskiftesak er oppfylte, skal takast som jordskifteavgjerd, sjå nedanfor.

*Andre ledd bokstav b* seier at orskurd skal nyttast når saka avsluttast utan realitetsavgjerd av andre grunnar enn den som er nemnt i bokstav a. Bokstav b tilsvarar tvistelova § 19-1 andre ledd bokstav b. *Andre ledd bokstav c* seier at orskurd skal nyttast ved avgjerd av tvist om bevis. Regelen

tilsvarar tvistelova § 19-1 andre ledd bokstav d. *Andre ledd bokstav d* seier at orskurd skal nyttast når det er fastsett i lov at avgjerda skal vere orskurd (eller kjennelse).

Etter *tredje ledd* skal jordskifteretten bruke avgjerdsforma «vedtak» for avgjerder som gjeld saksbehandlinga når det ikkje er fastsett i lov at avgjerda skal vere orskurd (eller kjennelse). Regelen er ein parallell til tvistelova § 19-1 tredje ledd bokstav a, der forma til avgjerda er kalla «beslutning». Vedtak er vald som namn på desse avgjerdene i jordskiftelova, av språklege grunnar. (Ein regel tilsvarende tvistelva § 19-1 tredje ledd bokstav b – om at retten skal bruke «beslutning» ved samtykke eller nekting av anke, er ikkje aktuell for jordskifterettane).

Etter *fjerde ledd bokstavane a til h*, skal ulike avgjerder som inngår i jordskifteprosessen bli tekne som jordskifteavgjerd. Omgrepet jordskifteavgjerd er nytt i høve til gjeldande jordskiftelov. Som det går fram nedanfor, brukar lovforslaget denne avgjerdsforma både om avgjerder retten må ta undervegs i eit jordskifte, men òg om visse avgjerder som retten tek under behandlinga av dei rettsfastsetjande sakene etter kapittel 4 (sakleg og geografisk avgrensing av saka) og skjønn og andre avgjerder retten tek i samband med sak for jordskifteretten. Dette gjer at første delen av omgrepet («jordskifte») ikkje skal takast heilt bokstavleg i høve til kva for avgjerder som fell inn under avgjerdsforma. Skjønn og andre avgjerder retten tek etter særlovene i samband med sak for jordskifteretten, er ikkje jordskifteavgjerder i den forstand at alle reglane for jordskifte i kapittel 3 vil gjelde, men i den forstand at reglane om saksbehandling for jordskifteavgjerder i kapittel 6, og reglane om overprøvinga i kapittel 8, vil gjelde. I høve til høyringsforslaget har departementet utvida spekteret av avgjerder som etter den nye jordskiftelova skal vere jordskifteavgjerder.

Etter *fjerde ledd bokstav a* skal retten ta stilling til om vilkåra for jordskifte i §§ 3-2, 3-3 og 3-18 er oppfylte eller ikkje, i form av ei jordskifteavgjerd. §§ 3-2, 3-3 og 3-18 inneheld dei materielle vilkåra for jordskiftesak. Både grunnleggjande vilkår og eventuelle spesielle vilkår må vere oppfylte. Retten må ta stilling til vilkåra når ein part påstår at dei ikkje er, eller kan bli innfridde gjennom bruk av verkemidla i jordskifte i lovforslaget kapittel 3 II. Det sjølvstendige ansvaret som retten har for at vilkåra er oppfylte gjer dessutan at retten må avvise saka ved jordskifteavgjerd når retten blir klar over at vilkåra ikkje kan innfriast, sjølv om det ikkje er fremja påstand om avvising frå nokon part. Lova brukar ulik avgjerdsform på avgjerder

om avvising av saker, ut i frå om avgjerda gjeld brot på formelle eller materielle vilkår. Skiljet har særleg samanheng med reglane om anke. Når lagmannsretten prøver ei jordskifteavgjerd om avvising på grunnlag av materielle vilkår, skal lagmannsretten setjast med jordskiftelagdommar og meddommarar (lovforslaget § 8-7 andre ledd), på same måten som når lagmannsretten elles tek stilling til dei materielle sidene (realiteten) i anke over jordskifte. Ved anke over ei orskurd som avviser saka på grunn av formelle manglar, skal lagmannsretten setjast saman på vanleg måte. Sjå nærare omtale av ankeregiane i kapittel 14.

Etter *fjerde ledd bokstav b* skal òg avgjerder om sakleg og geografisk avgrensing av sakene bli tekne som jordskifteavgjerd. Dette gjeld både jordskiftesakene og dei rettsfastsetjande sakene etter kapittel 4 (grensefastsetjing og rettsutgreiing). Reglar om den saklege og geografiske avgrensinga av sakene er gitt i lovforslaget § 6-9. Jordskifteavgjerd er òg forma i høve til avgjerd retten tek om verdsetjing av det som skal gå i byte i eit jordskifte, trasévalg for vegar, og anna som retten må ta stilling til under eit jordskifte. «Og anna» indikerer at oppramsinga ikkje er meint å vere uttømmende. Avgjerdsforma jordskifteavgjerd er meint å skulle brukast i høve til andre avgjerder retten må ta under eit jordskifte for å kunne nå fram til ei endeleg jordskifteløysing.

I nokre saker kan merking av grenser og oppmåling utsetjast til etter at saka er avslutta. Da er det riktig å gi slik etterfølgjande merking og måling ei avgjerdsform. Dette er gjort i *fjerde ledd bokstav c*. Merkinga og målinga vil da kunne angripast ved anke etter reglane i kapittel 8.

Skjønn og andre avgjerder etter andre lover som retten tek i samband med sak for jordskifteretten, skal ha forma jordskifteavgjerd, sjå *fjerde ledd bokstav d*. Av *fjerde ledd bokstav e* følgjer at avgjerd om midlertidig bruk av eigedommane i jordskifteområdet, jf. lovforslaget § 3-34, òg er jordskifteavgjerder. Etter *fjerde ledd bokstav f* er fordeling av planskapt netto verdiauke etter lovforslaget § 3-30 ei jordskifteavgjerd. Verdsetjinga av planskapt netto verdiauke etter lovforslaget § 3-31, er ikkje ei jordskifteavgjerd etter bokstav b, fordi fordeling av verdiauke ikkje går i byte. Jordskifteavgjerda er sluttproduktet i fordelinga av planskapt netto verdiauke. Verdsetjinga er ein viktig del av sluttproduktet. Det følgjer av lovforslaget § 6-24 femte ledd, at jordskifteavgjerder mellom anna skal vise dei tilhøva som har hatt mest å seie for avgjerda og dei vurderingane retten har lagt til grunn for avgjerda. Ein følgje av dette er at jordskifteretten må gjere greie for verdsetjinga.

Etter *fjerde ledd bokstav g* skal avgjerd om saks-kostnader etter lovforslaget § 7-6 vere jordskifteavgjerd. Etter *fjerde ledd bokstav h* er den endelege jordskifteløysinga ei jordskifteavgjerd. Omgrepet «jordskifteløysing» erstattar omgrepet «skifteplan» i gjeldande jordskiftelov, og inneheld ei avsluttande framstilling av jordskifteløysinga, med tilhøyrande reglar om gjennomføringa, og fastsetjing av nye grenser og rettstilhøve elles innanfor jordskifteområdet, slik dei skal vere i framtida.

*Femte ledd første punktum* slår fast at feil form på avgjerda ikkje spelar nokon rolle for rettsverknadene eller eventuell overprøving. Det er realitetane som tel. Ved bruk av rettsmiddel skal ein etter *femte ledd andre punktum* følgje dei reglane som gjeld for den avgjerdstypen som retten skulle ha brukt. Dette er same prinsippet som i tvistelova § 19-1 fjerde ledd.

#### Til § 6-24 Innhaldet i avgjerdene

Paragrafen inneheld reglar med krav til innhaldet i dei avgjerdene jordskifteretten tek. Paragrafen er bygd opp slik at det dels er felles reglar for alle avgjerder, dels reglar som er ulike når det gjeld kravet til grunngeving av avgjerdene. Paragrafen avløyser §§ 17 fjerde ledd og 17 b i gjeldande jordskiftelov. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.4.2.3.

*Første til tredje ledd* inneheld reglar om kva for formalia som skal med i avgjerdene. Reglane her er felles for alle avgjerdene. Etter *første ledd* skal avgjerdene innehalde namnet på domstolen, medlemmene av retten, partane, saksnummeret, kva for avgjerd som er teken, og tid og stad for avseiinga av avgjerda. Departementet legg til grunn at alt dette ikkje er nødvendig å gjenta i rettsboka kvar gong det blir teken ei avgjerd, og at det heller ikkje er slik i praksis i dag. Etter *andre ledd* skal avgjerdene vere skriftlege og underskrivne av medlemmene av retten.

Er det meir enn ein dommar, skal det gå fram av avgjerda om ho er samrøystes, eller om det er dissens. Er det dissens, skal det gå fram kva dissensen gjeld og kven som har dissentert, sjå *tredje ledd først og andre punktum*.

Det følgjer av *fjerde ledd* at dom og orskurd skal grunngivast i samsvar med tvistelova § 19-6 fjerde ledd. Dette er same løysinga som etter gjeldande jordskiftelov § 17 fjerde ledd. Fjerde ledd seier dette uttrykkeleg når det gjeld dom, medan det for orskurd følgjer meir indirekte ved at heile tvistelova kapittel 19 gjeld så langt det høver. Dette går fram av gjeldande jordskiftelov § 97. For

vedtak (som tilsvavar «beslutning» i tvistelova) er det ikkje plikt til å grunnge.

For grunngevinga av jordskifteavgjerder gjeld reglane i *femte ledd*. Grunngevinga skal etter *femte ledd bokstav a* innehalde heimelen for avgjerda. Jordskifteavgjerdene vil vere heimla dels i jordskiftelova, dels i anna lovgiving, sjå mellom anna lovforslaget § 5-3 som gir eksempel på dette.

Etter *femte ledd bokstav b* skal jordskifteavgjerdene innehalde ei framstilling av kva avgjerda gjeld. Det handlar om dei problemstillingane retten har teke stilling til. Etter *femte ledd bokstav c* skal jordskifteavgjerdene innehalde ei framstilling av dei tilhøva som har hatt mest å seie for avgjerda. Det er her meint dei faktiske tilhøva.

Etter *femte ledd bokstav d* skal grunngevinga innehalde eventuelle påstandar frå partane med påstandsgrunnlag, dersom dei har fremja påstandar. Med påstand er meint det avgjerdsresultatet som parten krev, og med påstandsgrunnlag er meint dei rettsstiftande faktiske tilhøva parten byggjer påstanden på (og som det eventuelt må først bevis for).

Vurderingar retten legg til grunn, er omhandla i *femte ledd bokstav e*.

*Sjette ledd første punktum* seier at jordskifteavgjerdene skal ha ei slutning som nøyaktig viser kva avgjerda går ut på, jf. den tilsvarende regelen i tvistelova § 19-6 sjuande ledd. Jordskifteavgjerder som inneheld den endelege jordskifteløysinga, skal etter *sjette ledd andre punktum* ha ei slutning som inneheld alt som må til for å setje i verk dei endringane som ligg i jordskifteløysinga. Slutninga skal òg ha eit innhald som fyller krava til matrikkelen og til tinglysing, sjå lovforslaget § 6-30 om rapportering til matrikkelstyresmakta, og lovforslaget § 6-31 om tinglysing. For at slutninga ikkje skal bli for omfattande, vil retten kunne utforme slutninga slik at ho viser til dei avsluttande kapitla i rettsboka. Det kan for eksempel vere skildring av grenser, eigedommar, vegar, avløp, uthogst, kontantoppgjjer, iverksetjing med vidare. Alt av varig verdi bør samlast til sist i rettsboka i desse kapitla, slik at det kan tinglystast og først i matrikkelen. Det vil da vere tilstrekkeleg at retten viser til dette i slutninga.

Felles for dom og jordskifteavgjerd, som gjeld realitetane i ei sak, er at der det er semje mellom partane om faktiske tilhøve som er opp i saka, skal retten leggje denne semja til grunn for avgjerda.

I *sjuande ledd* er det ein regel om at avgjerdene til jordskifteretten skal innehalde fordeling av sakskostnadene etter reglane i lovforslaget kapittel 7, så fram ikkje retten meiner at sakskostnadene skal fordelast i ei anna avgjerd seinare i



saka. For å få gjennomført eit jordskifte, vil retten ofte måtte ta fleire avgjerder, av ulik karakter undervegs i saka. Det kan vere nødvendig å avsei dommar for å få fastsett dei eksisterande eigedoms- og bruksrettstilhøva (grenser, innhald i rettar og så vidare), og det kan avseiest fleire jordskifteavgjerder, for eksempel om verdsetjing, undervegs mot den endelege jordskifteløysinga der eigedoms- og bruksrettstilhøva blir omforma. Det er vanleg praksis at fordelinga av sakskostnadene blir gjort som ei eiga avgjerd ved avslutning av saka, og at sakskostnader ikkje blir fordelt undervegs, heller ikkje i dei dommane som blir avsagt. Det er først ved avslutninga av jordskiftesaka, at retten vil ha full oversikt over samla gebyr, utgifter til meddommarar, sideutgifter, og nytta til den enkelte parten.

#### *Til § 6-25 Avseiing av avgjerd. Melding om avgjerd*

Etter *første ledd første punktum* skal tvistelova § 19-4 gjelde for avseiinga av avgjerdene til jordskifteretten. Dette inneber mellom anna at dei rettslege avgjerdene til jordskifteretten er bindande for retten når dei er avsagt, jf. tvistelova § 19-4 første ledd. Tvistelova § 19-4 andre og tredje ledd har reglar om når avgjerda er avsagt skriftleg og munnleg, og femte ledd første punktum har fristar for når avgjerdene skal takast. Fristane gjeld tilsvarende for jordskifterettane, det vil seie to vekers frist for avseiing av avgjerd med einedommar, eller fire veker dersom det er meir enn ein dommar. Tvistelova reknar fristane frå avslutning av hovudforhandling (eller ankeforhandling), men dette skal ikkje takast bokstaveleg i høve til jordskifteretten, der det ikkje nødvendigvis er halde noko rettsmøte det er naturleg å kalle hovudforhandling. Fristen må da reknast frå det siste rettsmøtet som blir halde i saka. I tvistelova § 19-4 femte ledd andre punktum er det eit unntak frå fristregelen i første punktum. Regelen lyder: » Når saken er så arbeidskrevende at det ikke er mulig å overholde fristen, kan avsigelsen skje senere». Denne unntaksregelen kan i enkelte saker bli aktuell for jordskifterettane, fordi praktisk arbeid med for eksempel koordinatfesting, merking og måling kan gjere at fristane i tvistelova blir for snaue.

I *første ledd andre punktum* er det gjort eit unntak for jordskifteavgjerdene etter lovforslaget § 6-23 fjerde ledd. Regelen er nødvendig dersom ein skal kunne føre vidare regelen i gjeldande jordskiftelov § 17 a siste ledd. Etter § 17 a siste ledd kan jordskifteretten på visse vilkår endre vedtak om verdsetjing eller regulering, som er fatta tidle-

gare i prosessen, og som elles ville vere bindande for retten. Rettsfastsetjande vedtak skal ikkje kunne endrast.

Unntaket gjeld fram til avslutninga av saka. Unntaket har bakgrunn i at det kan vere gode grunnar til å justere ei tidlegare avgjerd. Det er likevel ikkje fritt fram for retten til å endre. Vilkår er at det ligg føre særlege grunnar. Regelen er meint å sikre tilstrekkeleg framdrift, samtidig som avgjerder kan omgjerast dersom det er nødvendig. Sjå nærare om dette spesielle unntaket i kapittel 12.4.9. Når saka er avslutta, er jordskifteavgjerda bindande òg for jordskifteretten.

I *andre ledd første punktum* er det teke inn ein regel om at partane skal få melding om avgjerder under saksgangen (det vil seie melding om sjølv avgjerda). Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 22 første ledd første punktum. Når avgjerder blir sett til førehands påanke etter lovforslaget § 8-2 tredje ledd, er det krav om forkynning for partane, sjå *andre ledd andre punktum*, som fører vidare gjeldande jordskiftelov § 22 første ledd andre punktum. Når ei avgjerd skal setjast til påanke, er det særleg viktig at partane blir kjend med avgjerda, og forkynning er ein sikker måte å informere om avgjerda til partane.

I *andre ledd tredje punktum* er det teke inn ei føresegn om at reglane i tvistelova § 19-5, om underretning om avgjerder, gjeld så langt dei høver, for eksempel slik at ei munnleg avgjerd vil vere forkynt for dei som er innkalla, sjå § 19-5 andre ledd.

#### *Til § 6-26 Rettsforlik*

Paragrafen gjeld rettsforlik som blir inngått for jordskifteretten. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.4.3.3. Med rettsforlik er meint det same som i sivilprosessen elles. Tvistelova har føresegner om rettsforlik i kapittel 19 IV. Tvistelova § 19-11 har føresegner om formkrava og kontrollen med rettsforlik som retten har, og om sakskostnader. Tvistelova § 19-12 har føresegner om verknaden av rettsforlik og om mogleheita til å få sett rettsforlik til side, eller få dei endra. Tvistelova kapittel 19 er gjort gjeldande for jordskifterettane etter gjeldande jordskiftelov § 97. Kapittel 19 skal òg gjelde etter lovforslaget, jf. § 6-1 andre ledd bokstav n, med visse avgrensingar, sjå nedanfor. Tvistelova definerer ikkje kva rettsforlik er, men ei vanleg forståing av det, er ein formbunden avtale mellom partane om ei bindande løysing av det som er tvistegjenstanden i ei retts sak (eller i ei sak for jordskifteretten).

Etter *første ledd* kan partane berre gjere rettsforlik for jordskifteretten i slike spørsmål som retten elles kan avgjere ved dom. Dette fordi rettsforlik berre høver i dei tilfella der det er tvist om kva som er den gjeldande rettstilstanden. Rettsforlik høver ikkje i spørsmål som gjeld bruken av verkemidla i jordskifte i lovforslaget kapittel 3, der formålet er å endre eigedoms- og brukstilhøva til ein meir tenleg tilstand. Partane skal heller ikkje kunne gjere rettsforlik for jordskifteretten om spørsmål retten ikkje er kompetent til å ta avgjerd i. Rettsforliket skal vere eit alternativ til ei rettsleg avgjerd jordskifteretten kan ta. I lovforslaget § 6-26 første ledd er derfor høvet til å gjere rettsforlik for jordskifteretten avgrensa til slike spørsmål som retten elles kan avgjere ved dom, sjå lovforslaget § 6-23 første ledd, altså rettsfastsetjing som gjeld «grenser, eigedomsrett, rettar og anna». I ei jordskiftesak kan rettsforliket godt gjelde delar av saka, det vil seie dei delane som går på rettsfastsetjing (for eksempel fastsetjing av gjeldande grenser og rettar) før arbeidet med endringa tek til.

Av *andre ledd første punktum* følgjer at eit rettsforlik skal førast i rettsboka. Dette inneber at rettsforlik skal gjerast, eller i alle fall bekreftast i eit rettsmøte. Det kan òg gjerast i fjernmøte, jf. lovforslaget § 6-12 og tvistelova § 13-1 andre og tredje ledd. Partane og jordskifteretten skal etter *andre ledd andre punktum* skrive under på rettsforliket. Dette er same reglar som i tvistelova § 19-11 første og andre ledd. Bli det gjort forlik under rettsmekling, og dermed utanfor rettsmøtet, skal det førast inn i protokollen for rettsmeklinga, jf. § 6-18 og tvistelova § 8-5 første og sjette ledd. Den som har prosessfullmakt har òg fullmakt til å gjere rettsforlik, og skrive under på rettsforlik, sjå tvistelova § 3-4 første ledd som gjeld tilsvarande.

*Tredje ledd* tilsvarar tvistelova § 19-11 tredje ledd. *Tredje ledd første punktum* har reglar om kontrollen jordskifteretten har med forliket. Retten skal kontrollere at forliket er klart og tydeleg skrive, og nøyaktig viser det partane er samde om. Er forliket uklart, skal retten ikkje medverke til å gjere forlik. Dette er særleg viktig ved forlik som vil ha rettskraft langt inn i framtida, og som skal etterlevast av rettsetterfølgjarane til partane, for eksempel forlik om grenser for fast eigedom.

*Tredje ledd andre punktum* pålegg retten å sjå til at det blir sett ein frist for å oppfylle forlik som skal kunne fullbyrdast. Dette vil vere tilfelle der forliket for eksempel pålegg nokon ei plikt til å handle som skal kunne tvangsfullbyrdast. Etter *tredje ledd tredje punktum* skal retten, før det kan

gjerast forlik, orientere partane om verknadene av rettsforlik.

Når det gjeld sakskostnadene, er utgangspunktet at partane sjølv skal avtale fordelinga i forliket. Dersom forliket ikkje seier noko om fordelinga av sakskostnader, skal retten etter *fjerde ledd* avgjere fordelinga når partane krev det. Fjerde ledd tilsvarar tvistelova § 19-11 fjerde ledd.

Etter *femte ledd* gjeld reglane i tvistelova §§ 19-11 og 19-12 (kapittel 19 IV) så langt dei høver. Etter tvistelova § 19-12 første ledd har rettsforlik rettskraftsverknad etter tvistelova § 19-15. Rettsforlik kan etter tvistelova § 19-12 andre ledd kjennast ugyldig eller gjerast om etter dei same reglar som gjeld for ugyldigheit eller endring av avtalar. Av størst interesse i høve til vurdering av ugyldigheit, er reglane i avtalelova om tvang, svik og uærlegdom, samt reglane om lemping av avtalar det ville vere urimeleg å gjere gjeldande, sjå avtalelova kapittel 3. Einaste rettsmiddel mot rettsforlik er søksmål om ugyldigheit, som må reisast for tingretten, jf. § 19-12 tredje ledd. Rettsforlik er allminneleg tvangsgrunnlag etter tvangsfullbyringslova og kan krevjast fullbyrda når fristen for oppfylting er ute. Tvistelova § 19-12 fjerde ledd har reglar om frist.

#### *Til § 6-27 Frist for iverksetjing av endeleg jordskifteløysing*

Paragrafen avløyser gjeldande jordskiftelov § 59. *Første ledd første punktum* fører vidare gjeldande jordskiftelov § 59 første ledd. Regelen gir jordskifteretten plikt til fastsetje frist for overgang til nye eigedomstilhøve og andre fristar som trengst for å iverksetje dei endringane som er bestemt i den endelege jordskifteløysinga. Utan slike fristar kan det bli vanskeleg å realisere dei endringane som ligg i jordskifteavgjerda. I eit jordskifte vil dei ulike avgjerdene til retten gjelde tiltak av mange slag. Det kan vere overtaking av utlagde teigar, flytting av hus, oppføring av gjerde opparbeiding av vegar, dyrking, hogst og så vidare. Endringane må mellom anna tilpassast drifta på eigedommane og ønska til partane. Dette kan gjere det nødvendig at avgjerdene trer i kraft til ulik tid, og at det setjast ulike fristar for iverksetjing. For fellestiltak vil det òg kunne vere aktuelt å setje ein frist for når tiltak skal vere sett i gang.

*Første ledd andre til femte punktum* fører vidare gjeldande jordskiftelov § 59 andre ledd. Fristen i gjeldande jordskiftelov på to månader er likevel redusert til ein månad. Grunnen er at ankefristen er redusert frå to månader til ein månad. Ein frist kan berre i særlege tilfelle bli sett til meir enn fem

år og skal aldri vere lenger enn 10 år. Dette fører vidare reglane i gjeldande jordskiftelov.

*Andre ledd* tilsvarar gjeldande jordskiftelov § 59 tredje ledd. Regelen gjer det mogleg for jordskifterettsleiaren å gi utsetjing med å gjennomføre tiltak når det blir søkt om det, og det kan bevisast at det er uråd å gjennomføre tiltaket til fastsett tid. Det er òg stilt vilkår om at den som søker ikkje er skuld i dette, eller rår for det. Desse vilkåra skal vurderast på eit objektivt grunnlag. Dei personlege tilhøva til vedkommande eigar er ikkje avgjerande, men skal telje med i vurderinga. Hovudvekta i vurderinga må leggjast på tilhøve som knyt seg til vedkommande eigedom. Dersom utsetjinga vil bli til skade for nokon av dei andre partane, skal jordskifteretten fastsetje vederlag for skaden. I gjeldande jordskiftelov er denne myndigheita lagt til jordskifteoverdommaren. I og med forslaget om endringar i ankeordninga fell jordskifteoverretten bort. Departementet meiner det da er mest hensiktsmessig at jordskifteretten gjer dette.

Etter *tredje ledd* kan jordskifteretten etter søknad forlengje fristen for gjennomføring av felles tiltak. Dette kan retten gjere sjølv om vilkåra etter første punktum i andre ledd ikkje ligg føre. Regelen erstattar gjeldande jordskiftelov § 59 fjerde ledd.

#### *Til § 6-28 Tvangskraft og rettskraft*

Paragrafen avløyser gjeldande jordskiftelov § 91, og tilsvarar høyringsforslaget § 6-28. Grunngivinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.4.4.3. Paragrafen gir reglane i tvistelova §§ 19-13 til 19-16 (kapittel 19 V Tvangskraft og rettskraft), tilsvarende verknad så langt dei høver for avgjerdene til jordskifteretten.

Reglane om tvangskrafta til avgjerdene følgjer av tilvisinga til tvistelova § 19-13 som igjen viser til lov om tvangfullbyrdelse (tvangslova). Når det i Tvangslova § 4-1, står at «dom eller kjennelse av norsk domstol, og andre avgjørelser av en norsk domstol som har virkning som dom eller kjennelse» er tvangsgrunnlag, omfattar dette òg dommar og orskurdar av jordskifteretten. Bruk av tvang kan vere nødvendig for å iverksetje mange av dei avgjerdene jordskifteretten tek. Tvang kan for eksempel bli aktuelt i samband med overføring av grunn eller hus, opparbeiding og vedlikehald av vegar, pengeytingar som for eksempel sakskostnader og så vidare. Tvangsfullføring må skje med heimel i tvangslova. Det er partane som må krevje tvangfullføring. Retten gjer ikkje dette.

Tvistelova §§ 19-14 og 19-15 gjeld for rettskrafta avgjerdene har. Tvistelova § 19-14 første ledd seier at ei avgjerd er rettskraftig når den ikkje lenger kan angripast ved ordinære rettsmiddel. Tvistelova § 19-15 første ledd seier at ei rettskraftig avgjerd er bindande for partane. Andre ledd seier at ei rettskraftig avgjerd av eit krav skal utan realitetsbehandling leggjast til grunn i ei ny sak der retten må ta stilling til kravet for å avgjere saka. Etter tredje ledd skal retten avvise ei ny sak mellom same partar om eit krav som er rettskraftig avgjort. I høve til avgjerdene til jordskifteretten er likevel tilhøva litt spesielle. Når jordskiftet er avslutta, er alle avgjerdene retten har teke, endelege. Men det kan òg vere teke jordskifteavgjerd undervegs i saka, som retten kan endre heilt fram til jordskiftet bli avslutta, sjå kapittel 12.4.9 og merknadene til lovforslaget § 6-25.

#### *Til § 6-29 Merking og koordinatfesting av grenser*

Paragrafen gjeld merking og koordinatfesting av grenser, og erstattar gjeldande jordskiftelov § 58. Grunngivinga for forslaget går fram av kapittel 12.3.4.5.3.

*Første ledd* slår fast at jordskifteretten skal merkje og koordinatfeste dei grensene som blir fastsette, så langt råd er. Merking og koordinatfesting av grenser skal skje anten fastsetjinga av grensa har opphav i ei jordskiftesak der det blir fastsett nye grenser, sjå *første ledd første punktum*, eller i ei sak om fastsetjing av grense der eksisterande grenser blir klarlagde ved dom eller i eit rettsforlik, sjå *første ledd andre punktum*.

*Andre ledd* fører vidare gjeldande jordskiftelov § 58 andre ledd andre og tredje punktum, om utsetjing av varig grensemerking og tilhøyrande skildring av grensa til etter at jordskiftet har rettskraft. Utsetjing av den endelege merkinga av grensa kan vere aktuelt der anleggsarbeid like etter at saka er rettskraftig, vil innebere at merka blir fjerna eller øydelagde. Utsett merking av grense kan òg vere aktuelt, der avgjerd i ankesak kan innebere at merka må flyttast. Dersom jordskifteretten ventar med varig merking av grensa, må grensene merkjast tydeleg med mellombels merke for eksempel med spray eller trepålar. Det er viktig at partane ser i terrenget kva som er resultatet av saka. Utsett merking er jordskifteavgjerd etter lovforslaget § 6-23 fjerde ledd bokstav c. Føresegna har eit anna formål, og går føre matrikkelforskrifta § 25.

I *tredje ledd* er departementet gitt heimel til å gi forskrift om utforming av grensemerke.

*Til VII Rapportering og tinglysing*

Grunngivinga for forslaget til §§ 6-30 og 6-31 går fram av kapittel 12.3.5.

*Til § 6-30 Rapportering til matrikkelmyndigheita*

Paragrafen erstattar gjeldande jordskiftelov § 24 andre ledd. Plikta til å rapportere til matrikkelmyndigheita omfattar både at det er sett fram krav om sak og resultatet av saka, i samsvar med matrikkelforskrifta, sjå §§ 46 og 47 i forskrifta.

Jordskifteretten har i dag avtale med Kartverket om utveksling av data, slik at ein på den måten held vedlike samfunnsmessig verdifull infrastruktur.

*Til § 6-31 Tinglysing*

Paragrafen fører i det alt vesentlege vidare gjeldande jordskiftelov § 24 første og tredje ledd.

Etter *første ledd* er hovudregelen om tinglysing den same som før. Når saka er avslutta og alle avgjerdene har fått rettskraft, skal jordskiftedommaren etter *første ledd første punktum* sørgje for at eit utdrag av rettsboka blir tinglyst. Alt av varig verdi skal etter første ledd andre punktum vere med i utdraget. Uttrykksmåten «alt av varig verdi» er den same som i gjeldande jordskiftelov. Om bakgrunnen for dette, sjå kapittel 12.3.5.2. Det vil fortrinnsvis vere realitetsavgjerdene som er av varig verdi. Med realitetsavgjerd er meint omtalen av dei nye tilhøva etter lovforslaget kapittel 3 og 4, ikkje grunngivinga av avgjerd, vurderingane i retten eller partsforklaringa. Det er jordskiftedommaren som skal søgje for at utdraget blir tinglyst. Når ei sak er behandla som ankesak i lagmannsretten, er det førsteinstansen (den jordskifteretten som tidlegare hadde saka), som skal sørgje for tinglysing av avgjerda. Etter tinglysinga skal utdraget oppbevarast saman med dokumenta i saka.

*Andre ledd første punktum* seier at melding om reglar i medhald av lovforslaget § 3-34, avgjerd etter § 8-2 tredje ledd, og om anna som gjeld rettshøva innanfor jordskifteområdet, kan tinglyst på dei eigedommane det gjeld, når jordskiftedommaren finn grunn til det. Det same gjeld etter *andre ledd andre punktum* når eit avslutta jordskifte ikkje får rettskraft på grunn av anke.

*Til kapittel 7 Sakskostnader og gebyr*

Lovforslaget § 6-1 andre ledd bokstav o seier at tvistelova kapittel 20 om sakskostnader gjeld så

langt det høver. Det tyder at reglane i tvistelova gjeld dersom lovforslaget ikkje har reglar for det aktuelle tilfellet knytt til sakskostnader for jordskifteretten.

*Til I Sakskostnader**Til § 7-1 Sakskostnader*

Paragrafen gjeld kva for sakskostnader partane skal betale til jordskifteretten. Paragrafen byggjer på gjeldande jordskiftelov § 74 niande ledd. Grunngivinga for forslaget går fram av kapittel 13.2.3.

*Første ledd* inneheld reglane om betaling av sakskostnader for sak etter lovforslaget kapittel 3 og 4. Kapittel 3 gjeld jordskifte (under dette fordeling av planskapt netto verdiauke). Kapittel 4 gjeld rettsutgreiing og grensefastsetjing og anna.

*Første ledd bokstavane a til g* inneheld ei uttømmende opprekning av kva partane skal betale til jordskifteretten.

*Bokstav a* seier at partane skal betale gebyr etter lovforslaget §§ 7-2 til 7-5.

*Bokstav b* seier at partane skal betale godtgjering til jordskiftedommarar etter domstollova § 105 a. Det blir den same regelen for jordskifteretten som for dei vanlege domstolane.

*Bokstav c* seier at partane skal betale kostnader til grensemerke. Med «grensemerke» meiner ein dei merka som jordskifteretten set ned i grenser som blir fastsett i saka. I sak om fastsetjing av grense etter matrikkellova må partane òg betale for grensemerka.

*Bokstav d* seier at partane skal betale godtgjering til ekstrahjelp til verdsetjing etter lovforslaget § 3-14, til nødvendig kartlegging og til måling og merking av grenser etter §§ 4-2 og 6-29. Med «ekstrahjelp» meiner ein andre enn tenestemennene som er tilsette i jordskifteretten.

*Bokstav e* seier at partane skal betale den godtgjeringa som rettstolkar og sakkunnige som er oppnemnde av retten etter lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkynndiges godtgjørelse, har krav på. Det er same regel som gjeld for dei alminnelige domstolane.

*Bokstav f* seier at partane skal betale for utskrift eller kopi av tinglyste dokument eller dokument frå statsarkivet som jordskifteretten hentar inn på vegner av partane.

*Bokstav g* seier at partane skal betale sideutgifter som nemnt i rettsgebyrlova § 2 andre ledd. Sideutgifter er etter § 2 utgifter til meddommarar, skjønnsmedlemmer, sakkunnige, vitne, oversettingar, særlege undersøkingar og andre sideutgifter. Størstedelen av § 2 i rettsgebyrlova har min-

dre å seie, sidan dette er regulert direkte i jordskiftelova. Når tilvisinga til § 2 likevel er teken med, er dette fordi regelen opnar for å trekke inn «andre sideutgifter». I sakene jordskifterettane behandlar vil sideutgifter også kunne omfatte lønn og tilhøyrande utgifter til innleigd ekstrahjelp, ein del teknisk utstyr og nokre administrative utgifter for å halde tiltaks- og vernejordskifte innan rimeleg tid, slik det er lagt opp til i Ot.prp. 5 (1998–99) og slik det går fram av kapittel 13.2.3. Det er på dette punktet ikkje meininga å gjere endringar i eksisterande praksis.

*Andre ledd* seier at for skjønn og andre avgjerder i samband med jordskifte gjeld reglane om sakskostnader i skjønnsprosesslova. Det skal vere like reglar for sakskostnader med skjønn og andre avgjerder uansett om dei går som eiga sak eller i samband med jordskifte. Dette fører vidare kostnadsprinsippet som er nedfelt i gjeldande jordskiftelov § 74 andre ledd.

*Tredje ledd* seier at rettsgebyrlova gjeld slik det går fram av lova her, eller så langt det høver. Leddet er nytt. Dette er ei lovfesting av gjeldande praksis.

#### *Til II Gebyr*

Med «gebyr» meiner ein den avgifta til staten som partane må betale for sak for jordskifteretten.

#### *Til § 7-2 Inngangsgebyr*

Paragrafen inneheld føresegnene om inngangsgebyr for krav om sak etter lovforslaget kapittel 3 eller 4. Med «inngangsgebyr» meiner ein gebyr etter lovforslaget § 7-2. Paragrafen inneheld òg føresegnene om inngangsgebyr dersom kravet blir trekt før realiteten blir behandla, eller saka blir avvist. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 13.3.1.3.

*Første ledd første punktum* seier at den som krev sak skal betale fem gonger rettsgebyret for krav om sak etter kapittel 3 eller 4. Dette punktu- met fastset storleiken på inngangsgebyret. Med «rettsgebyret» meiner ein det som er fastsett i rettsgebyrlova § 1. Med «sak etter kapittel 3» meiner ein jordskifte som er samleomgrepet for sak etter lovforslaget §§ 3-4 til 3-10, og sak om fordeling av planskapt netto nytte etter lovforslaget § 3-30. Første punktum fører vidare gjeldande jordskiftelov § 74 første ledd første punktum.

Innhaldet i *første ledd andre punktum* er at den som krev utviding av ei sak etter at jordskifteretten har avgrensa saka sakleg og geografisk, skal betale nytt inngangsgebyr. Regelen er ny.

Inngangsgebyret er ein del av dei samla saks- kostnadene som skal delast mellom partane etter lovforslaget §§ 7-6 og 7-7.

*Andre ledd* fastset gebyret dersom kravet blir trekt eller avvist av retten. I denne samanheng blir kravet rekna som innkome, når inngangsgebyret er betalt. Med «realitetsbehandling» meiner ein her første vanlege rettsmøte. Dersom kravet blir trekt i denne perioden, skal rekvirenten betale to gonger rettsgebyret. Han har alt betalt eit forskott på fem gonger rettsgebyret. I praksis betyr det at han skal få tilbakebetalt tre gonger rettsgebyret.

#### *Til § 7-3 Grenselengdegebyr*

Paragrafen inneheld føresegnene om grenselengdegebyr. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 13.3.2.3.

*Første punktum* seier at partane skal betale gebyr for merking og koordinatfesting av nye grenser og for koordinatfesting av eksisterande grenser. Føresegna om betaling for grensemerking fører vidare gjeldande jordskiftelov § 74 første ledd andre punktum. Føresegnene om koordinatfesting er nye, men dei er bygde på praksis som er basert på Håndbok for teknisk arbeid i jordskifteverket av mars 1999. Etter lovforslaget vil hovudregelen vere at nye grensemerke i ende- punkt og knekkpunkt i grensa skal koordinatfestast. Dette gjeld likevel ikkje når grensa følgjer vatn og vassdrag. Praksisen er elles i tråd med kravet til koordinatfesting i matrikkellova § 34 første ledd første punktum.

Partane skal betale for «merking og koordinatfesting» som ein av dei tilsette ved retten utfører. Med «merking» meiner ein nedsetting av eit grensemerke. Etter lovforslaget § 6-29 kan departementet gi forskrift om utforming av grensemerke. Med «koordinatfesting» meiner ein at grensepunktet er innmålt eller beregna i det aktuelle aksesystemet («rutenettet») for eksempel EUREF89. Koordinatane skal fylle dei krav til nøyaktigheit som gjeld for det aktuelle området. Med «nye grenser» meiner ein grenser som er fastsette av retten, og som er forskjellige frå dei grensene som var der da saka tok til. Med «koordinatfesting av eksisterande grenser» meiner ein å skaffe fram koordinatar for grenser som ikkje blir endra i saka.

Det følgjer elles av dette at dersom det korkje er nødvendig å merkje eller koordinatfeste ei grense, så skal partane ikkje betale noko grenselengdegebyr. Det kan vere tilfellet for ei grense i eit jordskifte etter lovforslaget kapittel 3.

*Andre punktum* seier at departementet fastset storleiken på gebyra ved forskrift.

#### *Til § 7-4 Partsgebyr*

Paragrafen seier at partane skal betale to gonger rettsgebyret for kvar part i sak etter lovforslaget kapittel 3 og 4. Paragrafen fører vidare prinsippet om partsgebyr i gjeldande jordskiftelov § 74 første ledd første punktum. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 13.3.3.3.

Lovforslaget inneheld ein auke i partsgebyret frå 1,8 til 2 gonger rettsgebyret for kvar part i sak etter lovforslaget kapittel 3 og 4.

Partsgebyret er ein del av dei samla gebyrkostnadene som skal delast mellom partane etter reglane om deling av kostnader, sjå lovforslaget §§ 7-6 og 7-7.

Med «part» meiner ein her den som opptre på vegner av ein eigedom, ein bruksrett eller anna rett som har krav på å bli teken vare på i saka. Departementet meiner at dette må avgjerast konkret i kvar enkelte sak. I eit jordskifte som går på full oppdeling av eit sameige, er kvar sameigar part. I ei sak om fastsetjing av grense med eit sameige på eine sida, og eit eineige på andre sida, vil det oftast vere rett å sjå på sameiget som ein part. I slike saker vil sameigarane ofte ha samanfallande interesse av utfallet av saka. Da ligg det til rette for at sameiget kan vere representert av éin person. Dette er som etter gjeldande jordskiftelov.

#### *Til § 7-5 Samla gebyr og arbeidstid*

Paragrafen seier at jordskifteretten kan endre dei samla gebyra etter lovforslaget §§ 7-2 til 7-4 dersom arbeidstida i saka avvik nemnande frå det vanlege. Paragrafen er meint vere ein unntaksregel, og ikkje hovudregelen, for fastsetjing av samla gebyr. Paragrafen fører vidare innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 74 åttande ledd sjølv om det er mindre endringar i ordlyden. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 13.3.4.3.

Med ordet «endre» meiner ein at samla gebyr både kan bli høgare og lågare.

Med «dei samla gebyra etter lovforslaget §§ 7-2 til 7-4», meiner ein summen av inngangsgebyret etter lovforslaget § 7-2, grenselengdegebyra etter lovforslaget § 7-3 og partsgebyra etter lovforslaget § 7-4.

Med «arbeidstida i sak» meiner ein den tida dei fast tilsette ved jordskifteretten har brukt på saka. Arbeidstida til ekstrahjelp i saka skal ikkje reknast inn i denne samanheng. Partane skal

betale for ekstrahjelp etter lovforslaget § 7-1 første ledd bokstav d. Det er ikkje nødvendig å dokumentere arbeidstida i saka ved timelister eller andre tidsregistreringar.

Med ordet «nemnande» meiner ein her at det må vere eit klart avvik frå det vanlege.

#### *Til III Fordeling av sakskostnader*

##### *Til § 7-6 Fordeling av sakskostnader*

Paragrafen inneheld føresegnene om korleis dei ordinære sakskostnadene i sak etter lovforslaget kapittel 3 og 4 skal fordelast mellom partane. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 13.4.1.3 og 13.4.2.3.

*Første ledd* seier at jordskifteretten i saker etter lovforslaget kapittel 3 og 4 skal dele sakskostnadene mellom partane etter den nytta dei har av saka, med dei unntaka som går fram av andre og tredje ledd og lovforslaget § 7-7. Dette fører vidare hovudregelen i gjeldande jordskiftelov § 76 første ledd.

I sak om fastsetjing av grense utan tvist må ein rekne med at alle som får fastsett eit punkt i si grense, har like stor nytte av det. I sak om rettsutgreiing utan tvist vil alle som får fastsett noko, ha nytte av det. For dom i tvist viser ein til merkningene til lovforslaget § 7-9 første ledd.

*Andre ledd første punktum* seier at tiltakshavar skal betale sakskostnadene i tiltaksjordskifte. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 81 andre ledd slik regelen er tolka i Rt. 2000 side 143. Eksproprianten må da som hovudregel betale nødvendige kostnader til advokat både i jordskiftesaka og i skjønssaka. Kva som er meint med tiltaksjordskifte, går fram av lovforslaget § 1-3 bokstav b.

*Andre ledd andre punktum* seier at i vernejordskifte skal vernemyndigheita betale sakskostnadene. Dette fører òg vidare gjeldande jordskiftelov § 81 andre ledd. Kva som er meint med vernejordskifte, går fram av lovforslaget § 1-3 bokstav c.

*Andre ledd tredje punktum* seier at jordskifteretten kan leggje sakskostnader på partar som får netto nytte. Med «netto nytte» meiner ein at ein eigedom er betre for eigaren etter den samla verdien av eigedomsinngrepet (tiltaket eller vernet) og jordskiftet, enn før eigedomsinngrep og jordskifte.

Jordskifteretten fastset storleiken på den delen av sakskostnadene som ikkje fell på høvesvis tiltakshavar eller vernemyndigheit.

Dersom lovforslaget § 7-6 andre ledd tredje punktum brukast, gjeld første ledd for fordelinga

av dei sakskostnadene som fell på andre partar enn høvesvis tiltakshavar eller vernemyndigheit.

*Tredje ledd* seier at vernemyndigheita skal betale sakskostnadene i grensefastsetjing etter lovforslaget § 4-2 første ledd bokstav f.

*Til § 7-7 Sakskostnader som følgje av trekking av sak, avvising med vidare*

Paragrafen gjer unntak frå regelen i lovforslaget § 7-6 første ledd om at jordskifteretten i saker etter lovforslaget kapittel 3 og 4 deler sakskostnadene mellom partane etter den nytta dei har av saka. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 13.4.3.

*Første ledd* inneheld ei uttømmende opprekning av dei tilfella der jordskifteretten skal leggje sakskostnader på dei som har valda sakskostnadene. Dette byggjer på gjeldande jordskiftelov § 75 første ledd. Med omgrepet «har valda» kostnadene, er meint slik at det må vere årsakssammenheng mellom kostnaden og dei handlingane som er omtala i bokstavane a til c.

*Første ledd bokstav a* seier at jordskifteretten skal leggje sakskostnader knytte til trekking av ei sak på dei som har valde kostnadene. Det er rekvirenten som kan trekkje saka. Da er det rekvirenten som «har valda» sakskostnadene.

*Første ledd bokstav b* seier at jordskifteretten skal leggje sakskostnader knytte til avvising av ei sak når vilkåra for saka ikkje er oppfylte, på dei som har valda kostnadene. Avvising kan bli aktuelt fordi formelle eller materielle vilkår for sak ikkje er oppfylte. Avvising av formelle grunnar kan for eksempel vere aktuelt dersom kravet ikkje oppfyller vilkåra i lovforslaget § 6-2. Med materielle vilkår er meint dei vilkåra for jordskiftesak som går fram av §§ 3-2, 3-3 og 3-18. Departementet viser til drøftinga i kapitla 13.4.3.2 og 13.4.3.3. i lovproposisjonen for ein nærare gjennomgang av avvising i forskjellige fasar av eit jordskifte. Når det gjeld innhaldet i lovforslaget §§ 3-2, 3-3 og 3-18, viser departementet til merknadene til desse paragrafane.

*Første ledd bokstav c* seier at jordskifteretten skal leggje sakskostnader knytte til «for seine krav eller opplysningar» på dei som har valda kostnadene. Med «for seine» meiner ein at eventuelle fristar fastsette av jordskifteretten er ute. Med «krav» meiner ein krav som går på sakleg eller geografisk avgrensing av saka og som kjem etter den frist retten har sett med heimel i lovforslaget § 6-9 andre ledd. For seine «opplysningar» refererer til plikta til å opplyse saka etter lovforslaget § 6-15 om bevis.

*Andre ledd* seier at utgift som omsynet til berre enkelte eigedommar eller berre ein part har valda kan leggjast på vedkomande aleine. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 76 andre ledd første punktum. I store saker vil det ofte vere slik at retten med fordel kan halde egne rettsmøte for å løyse delproblem som berre gjeld nokre partar. Sakskostnadene med slike delproblem kan etter lovforslaget § 7-7 andre ledd leggjast på dei det gjeld. Eit eksempel kan vere ein twist om ei grense mellom to av partane i eit jordskifte.

I andre tilfelle vil behandlinga av delproblem berre vere ein del av eit rettsmøte. Da kan det både vere vanskeleg å knyte bestemte sakskostnader til delproblemet, og dei aktuelle kostnadene vil ofte vere heller små.

Med «enkelte eigedommar» meiner ein matrikkeleiningar som blir behandla som sjølvstendig eining i saka. Med «part» meiner ein den eller dei som representerer matrikkeleiningane eller som på annan måte har fått status som part i saka.

Med «har valda», meiner ein den eller dei som har forårsaka kostnaden.

Lovforslaget inneheld ikkje nokon eigen regel for den innbyrdes fordelinga dersom det er fleire som har ansvar for sakskostnader etter lovforslaget § 7-7 andre ledd. Da gjeld lovforslaget § 7-6.

*Til IV Kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp*

Del IV inneheld reglar om kven som skal betale for kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp i sak etter lovforslaget kapittel 3 og 4. I tillegg gjeld reglane i tvistelova kapittel 20 så langt dei høver.

*Til § 7-8 Kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp*

Paragrafen inneheld hovudregelen som er at med dei unntak som går fram av lovforslaget § 7-9, skal kvar part bere egne kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp i sak etter lovforslaget kapittel 3 og 4. Dette byggjer på gjeldande jordskiftelov § 76 første ledd. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 13.5.1.3.

Med «rettshjelp» meiner ein det som går fram av domstollova § 218. Bruk av advokat er den vanlegaste forma for rettshjelp. Sakkunnige oppnemd av retten er noko anna enn sakkunnig hjelp. Kostnadene til sakkunnige oppnemnt av retten fell inn under reglane i lovforslaget § 7-1. Med «sakkunnig hjelp» meiner ein hjelp frå ein som er fagleg

kvalifisert til å bli brukt til å gi sakkunnigbevis etter føresegnene i tvistelova kapittel 25

*Til § 7-9 Erstatning for kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp*

Paragrafen inneheld unntaka frå hovudregelen i lovforslaget § 7-8 om at kvar part skal bere eigne kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 13.5.2.1.3.

*Første ledd første punktum* seier at blir det sagt dom i tvist, gjeld tvistelova kapittel 20 for erstatning for kostnader som er direkte knytt til behandlinga av tvisten. Sjølv om ordlyden er noko endra, er det ikkje meininga å gjere endringar i realiteten for dom i tvist der tvistesummen er 125 000 kroner eller meir.

Med «gjeld tvisteloven» er meint at reglane om vederlag for kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp ved behandling av tvistar, skal vere identiske uansett om det blir sagt dom i tingretten eller i jordskifteretten. Jordskifteretten kan ikkje trekkje inn kostnader som fell på partane med førearbeid knytt til eventuell kartlegging av jordskifteområdet, og etterarbeid som merking og koordinatfesting av grenser som dommen fastset.

*Første ledd andre punktum* seier at dersom tvistesummen er under 125 000 kroner, gjeld tvistelova § 10-5 første og andre ledd. Regelen er ny. Med «tvistesummen» meiner ein verdien av det tvisten gjeld. Omgrepet tvistesummen skal ha same innhald etter jordskiftelova som etter tvistelova. Det er meininga at tvistelova § 10-5 første ledd bokstav d skal gjelde på same måte for tingretten og jordskifteretten. Jordskifteretten fastset verdien av det tvisten gjeld.

*Andre ledd første punktum* seier at ved trekking av sak og ved avvising av ei sak fordi formelle vilkår for å behandle saka ikkje er oppfylte, gjeld tvistelova kapittel 20. Forslaget er i samsvar med rettspraksis.

Kva som ligg i trekking av sak, er greidd ut i merknadene til lovforslaget § 6-19.

*Andre ledd andre punktum* seier at første punktum òg gjeld ved trekking av krav om endra avgrensing av saka, og ved avvising av eit endringskrav. Dette tyder at den som kjem med krav om endring, har same ansvar for kostnader for dette som rekvirenten har for kravet som sett saka i gang. Lovforslaget § 6-9 inneheld føresegnar om avgrensinga av saka. Grunngevinga for forslaget til andre ledd går fram av kapittel 13.5.2.3.3.

*Til V Kostnader knytt til skjønn og andre avgjerder i samband med jordskifte, anke med meir*

*Til § 7-10 Kostnader med skjønn og andre avgjerder etter §§ 5-2 og 5-3*

Paragrafen inneheld føresegnene om sakskostnader knytt til skjønn og andre avgjerder etter lovforslaget §§ 5-2 og 5-3. Lovforslaget § 5-2 gjeld skjønn som følgje av tiltak fastsett av jordskifteretten i vassdrag, medan lovforslaget § 5-3 gjeld skjønn og andre avgjerder etter andre lover. Lovforslaget § 7-10 første ledd gjeld når jordskifteretten held slike skjønn eller tek andre avgjerder som råkar eigedom utanfor jordskifteområdet. Andre ledd regulerer fordelinga av kostnadene ved slike skjønn og avgjerder mellom dei som er partar innanfor jordskifteområdet. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 13.6.3.

*Første ledd* seier at skjønnsprosesslova § 54 gjeld for kostnader med skjønn og andre avgjerder etter lovforslaget §§ 5-2 og 5-3 som råkar eigedom som ikkje er med i jordskifteområdet.

Det at «skjønnsprosesslova § 54 gjeld for kostnader», inneber at det er desse føresegnene om fordelinga av kostnader som gjeld i tilhøvet mellom oreignar og den som blir råka av ekspropriasjon. Det er partane innanfor jordskifteområdet som er i rolla som oreignar i slike skjønn. Dermed er det dei som i utgangspunktet må bere kostnadene med skjønnet.

Med formuleringa «råkar eigedom som ikkje er med i jordskifteområdet», meiner ein eigedom som ligg utanfor jordskifteområdet slik det er avgrensa etter lovforslaget § 6-9. Eigar av eigedom som er råka av tiltak som vegbygging, anlegg av taubane, kanalisering og liknande er i slike høve ikkje part i jordskiftesaka ut over det at han kan vere nabo til jordskifteområdet. Denne eigar vil difor oppleve skjønnet som ei sjølvstendig sak.

*Andre ledd* seier at kostnader etter første ledd skal delast etter lovforslaget § 3-28 mellom dei partane som er knytte til investeringstiltaket. § 3-28 fører vidare innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 42 tredje ledd, sjølv om ordlyden ikkje er heilt lik. Kostnadene med skjønnet eller ei anna avgjerd knytte til eit investeringstiltak på eigedom utanfor jordskifteområdet skal etter § 7-10 andre ledd også delast mellom dei som er partar innanfor jordskifteområdet. Slik fordeling skal skje etter den nytten kvar av partane har av investeringstiltaket.



*Til § 7-11 Kostnader med anke over jordskifteavgjerd*

Paragrafen har reglar om kven som skal betale kostnader ved anke over jordskifteavgjerd. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 13.7.3.

*Første ledd første punktum* seier at den som ankar ei jordskifteavgjerd, skal bere kostnadene med ankebehandlinga. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 75 andre ledd sjølv om ordlyden er tilpassa forslaget til ny ankeordning. Dersom forskjellige partar ankar på forskjellige jordskifteavgjerder i same sak, må kostnadene delast høvesvis på dei forskjellige ankane. Dersom minst to partar ankar på same avgjerd, må kostnadene i utgangspunktet delast mellom dei.

Med «kostnadene med ankebehandlinga» meiner ein her gebyr, godtgjersle til meddommarar og andre sideutgifter for lagmannsretten.

*Første ledd andre punktum* seier at dersom ankebehandlinga fører til ei monaleg endring i jordskiftet, skal lagmannsretten dele kostnadene med ankebehandlinga etter nytta kvar part får av det nye jordskiftet. Formuleringa «monaleg endring i jordskiftet» blir ført ordrett vidare frå gjeldande jordskiftelov § 75 andre ledd. Det er ikkje meininga å gjere noka endring i innhaldet i denne formuleringa.

Det er meininga at innhaldet skal vere det same i lovforslaga § 7-11 første ledd og i § 7-6 første ledd.

Med «det nye jordskiftet» meiner ein den endelege jordskifteløysinga som lagmannsretten fastset. På same måte som etter gjeldande jordskiftelov, vil det vere endringa i endeleg jordskifteløysing frå første til andre instans som utgjer grunnlaget for vurderinga av bruken av føresegnene om kven som skal bere kostnadene.

*Andre ledd første punktum* seier at dersom ei jordskifteavgjerd blir oppheva etter lovforslaget § 8-10 tredje ledd, skal den som ankar betale kostnadene med ankebehandlinga på forskott. Denne føresegna gjeld i dei tilfella jordskiftet går tilbake til jordskifteretten for ny behandling.

*Andre ledd andre punktum* seier at dei forskotterte kostnadene med ankebehandlinga skal reknast som ein del av kostnadene med den nye jordskifteavgjerda. Dette tyder at jordskifteretten ved den nye behandlinga av jordskiftet skal fordele summen av kostnadene med behandlinga i lagmannsretten og sakskostnadene ved det nye jordskiftet.

Innhaldet i andre ledd er ei lovfesting av gjeldande rettspraksis.

*Tredje ledd første punktum* seier at ved behandling av anke over jordskifteavgjerd skal kvar part bere sine egne kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp for lagmannsretten. Dette er ei lovfesting av rettspraksis for kostnadsansvaret for rettshjelp og anna sakkunnig hjelp for lagmannsretten når ei jordskifteavgjerd blir oppheva.

*Tredje ledd andre punktum* seier at dersom lagmannsretten seier dom i tvist som ikkje har vore behandla i jordskifteretten, gjeld lovforslaget § 7-9 første ledd. Det tyder at dersom lagmannsretten må seie dom i tvist, gjeld tvistelova kapittel 20 for vederlag for sakkunnig hjelp og for andre kostnader som er direkte knytt til behandlinga av tvisten. Dersom tvistesummen er under 125 000 kroner, gjeld tvistelova § 10-5 første ledd bokstav d.

*Tredje ledd tredje punktum* seier at ved trekking av anke over jordskifteavgjerd og ved avvising av anke over jordskifteavgjerd, gjeld lovforslaget § 7-9 andre ledd. Det tyder at både ved trekking og avvising av anke, gjeld tvistelova kapittel 20. Dette er i samsvar med rettspraksis. Med formuleringa «avvising av anke», meiner ein det same som ligg i lovforslaget § 6-23 andre ledd bokstav a, sjølv om ordet «sak» er erstatta med ordet «anke» i lovforslaget § 7-11 tredje ledd tredje punktum.

*Fjerde ledd* seier at ved anke over jordskifteavgjerd om utmåling av erstatning i tiltaksjordskifte og i vernejordskifte, gjeld skjønnsprosesslova §§ 54 a og 54 b. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 81 andre ledd tredje punktum.

*Til § 7-12 Kostnader ved gjenopning*

Paragrafen inneheld reglane om sakskostnader knytt til behandling av krav om gjenopning. Reglane om kostnader knytt til gjenopning er samla i denne paragrafen. Reglane om kva gjenopning kan gå ut på, finn ein i lovforslaget §§ 8-14 til 8-16. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 13.8.3.

*Første ledd* seier at reglane i dette kapitlet gjeld for gjenopning med dei unntak som går fram av andre og tredje ledd. Andre ledd inneheld særreglar for gebyr. Tredje ledd inneheld særreglar for fordeling av sakskostnader mellom partane.

*Andre ledd første punktum* seier at den som krev gjenopning, skal betale seks gonger rettsgebyret. Innhaldet i denne føresegna skal tolkast på same måte som innhaldet i lovforslaget § 7-2 første ledd første punktum.

*Andre ledd andre punktum* seier at gebyret skal setjast ned til to gonger rettsgebyret dersom kravet om gjenopning blir avvist eller trekt for rea-

litetsbehandling. Innhaldet i denne føresegna skal tolkast på same måte som tilsvarende innhald i lovforslaget § 7-2 andre ledd.

*Andre ledd tredje punktum* seier at gjenopningsgebyret etter første punktum kjem i staden for inngangsgebyret etter lovforslaget § 7-2 dersom krav om gjenopning blir teke til følgje. Gjenopningsgebyret etter første ledd er seks gonger rettsgebyret medan inngangsgebyret etter lovforslaget § 7-2 er fem gonger rettsgebyret.

*Tredje ledd første punktum* seier at jordskifteretten deler sakskostnadene mellom partane etter den nytte kvar part har av heile saka dersom krav om gjenopning takast til følgje. Sjølv om det er nokre språklege endringar, fører dette vidare innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 75 fjerde ledd første punktum. Det er ikkje meininga at dei språklege endringane skal endre det materielle innhaldet.

Omgrepet «sakskostnadene» er meint å ha same innhald som i lovforslaget § 7-1, sjå merkna-dene til den paragrafen.

Med «heile saka» meiner ein den saka som er gjenopna i sin heilskap, ikkje berre den som konkret blir behandla etter gjenopninga. Dette må ein sjå i samanheng med neste punktum i føresegna.

*Tredje ledd andre punktum* seier at det skal takast omsyn til fordelinga av kostnadene i den tidlegare saka. Sett i samanheng med førre punktum tyder dette at jordskifteretten skal fordele dei samla sakskostnadene før og etter gjenopning etter den samla nytten som fell på partane når behandlinga av saka om gjenopning avslutta. Grunnlaget for vurderinga når det gjeld fordelinga av kostnadene skal vere nyttetilstanden før oppstart av den opphavlege saka, og sluttresultatet etter avslutta gjenopningsbehandling.

#### *Til VI Andre reglar*

I denne delen finn ein reglar som det ikkje høver å ta med i dei andre delane.

#### *Til § 7-13 Forskott*

Paragrafen inneheld reglar om forskott for saks-kostnader. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 13.9.1.3.

*Første ledd første punktum* seier at jordskifteretten kan krevje forskott frå rekvirenten av sak etter lovforslaget kapittel 3 eller 4 for saks-kostnader etter lovforslaget § 7-1. Forslaget byggjer på gjeldande jordskiftelov § 79 første punktum. Innhaldet i omgrepet forskott skal vere det same som i «forskudd» etter rettsgebyrlova.

Kompetansen til å kunne krevje inn forskott etter denne føresegna, er avgrensa til jordskifte etter lovforslaget kapittel 3 og rettsfastsetjande saker etter lovforslaget kapittel 4. For saker etter finnmarkslova § 45 skal det ikkje betalast saks-kostnader. Dermed er det heller ikkje aktuelt med forskott.

Kva som fell inn under formuleringa «saks-kostnader etter lovforslaget § 7-1», går fram av merkna-dene til lovforslaget § 7-1.

Det følgjer av lovforslaget § 6-1 andre ledd bokstav o at tvistelova kapittel 20 om saks-kostnader gjeld så langt han høver. I denne samanheng har departementet lagt til grunn at tvistelova § 20-11 om å stille trygd for saks-kostnadene, gjeld for saker etter lovforslaget kapittel 3 og 4. Dette er eit alternativ til å betale forskott. Det tyder at jordskifteretten må gjere merksam på dette alternativet i kravet om innbetaling av forskott.

*Første ledd andre punktum* seier at når det er ført inn i rettsboka at behandlinga av eit jordskifte har teke til, kan retten krevje forskott frå alle par-tar til dekking av saks-kostnader etter lovforslaget § 7-1. Dette byggjer på gjeldande jordskiftelov § 80 første ledd til å kunne krevje forskott frå fleire partar enn rekvirenten. Det følgjer av denne formuleringa i gjeldande jordskiftelov § 80 første ledd: «... betale utgifter som vil kome på etter kvart etter ei førebels utlikning.»

Med formuleringa «Når det er ført inn i retts-boka at behandlinga av eit jordskifte har teke til» er meint det same som i lovforslaget § 6-19 første ledd.

Det går fram av *tredje punktum* at ved forskott etter første og andre punktum, gjeld lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr § 3. Rettsge-byrlova § 3 handlar om rettsgebyr og sideutgifter som ikkje blir dekte av gebyret.

*Andre ledd* seier at jordskifteretten kan fast-setje at det skal reknast rente av innbetalte for-skott. Dette fører vidare gjeldande jordskiftelov § 80 tredje ledd første punktum der det heiter: «Av forskott kan det reknast rente som jordskifteret-ten fastset etter skjønn». Med «rente» meiner ein den innskotsrenta retten har avtalt med den aktu-elle banken.

#### *Til § 7-14 Betalingsfrist*

Paragrafen inneheld reglane om fristlengde for betaling av forskott og saks-kostnader og følgjene av å oversitje frist. Grunngevinga for forslaget går fram av kapittel 13.9.2.3.

*Første ledd første punktum* seier at pålagte for-skott og saks-kostnader forfell til betaling 14 dagar

etter at den kravet er retta mot, er gjort kjendt med pålegget om å betale. Dette er hovudregelen for fristlengde. Dette er same fristlengde som for dei vanlege domstolane.

Med formuleringa «er gjort kjendt med», meiner ein at pålegget har kome fram til den som skal betale. Det er meininga at utgangspunktet for når fristen tek til, skal vere likt med tilsvarande frist for pålegg om betaling for dei alminnelege domstolane.

*Første ledd andre punktum* seier at jordskifteretten kan setje ein annan frist. Det tyder at retten både kan setje ein kortare og ein lengre frist enn 14 dagar. Dette er i samsvar med domstollova § 151.

*Andre ledd* seier at dersom den som krev saka ikkje held betalingsfristen for inngangsgebyret etter lovforslaget § 7-2, forskott etter lovforslaget § 7-13 første ledd første punktum eller gjenopningsgebyret etter lovforslaget § 7-12 andre ledd første punktum, skal det reknast jamngodt med at sakskravet er trekt tilbake. Dette er i samsvar med gjeldande jordskiftelov § 79 tredje ledd. Manglande betaling av desse gebyra eller av pålagt forskott etter lovforslaget § 7-13 første ledd første punktum fører til at det ikkje blir noka realitetsbehandling av kravet. Dersom rekvirenten har betalt inngangsgebyret eller gjenopningsgebyret, men ikkje betaler pålagt forskott, skal retten leggje til grunn at kravet er trekt.

Manglande betaling av forskott som blir pålagt ved eit seinare tidspunkt i sak etter lovforslaget kapittel 3 og 4, fører ikkje til at retten kan leggje til grunn at saka er trekt. Da må retten velje mellom å la det gå til tvangsinn driving straks, eller vente til alle slike kostnader blir gjort opp ved avslutninga av saka.

#### *Til § 7-15 Statens erstatningsansvar*

Paragrafen inneheld reglane om statens erstatningsansvar for sakskostnader som blir påført ein part på grunn av feil ved behandlinga til jordskifteretten av ei sak. Grunnivinga for forslaget går fram av kapittel 13.9.3.3.

Med «sakskostnader» meiner ein her det same som i tvistelova. Det vil seie at òg kostnader til rettshjelp fell inn under omgrepet.

Alle avgjerder jordskifteretten kan ta, fell inn under formuleringa «feil ved saksbehandlinga til jordskifteretten».

#### *Til § 7-16 Panterett for pålagt kostnad eller yting*

Paragrafen seier at tinglysing av sak etter lovforslaget kapittel 3 og 4 fører til at pålagt kostnad eller yting blir sikra i 10 år med pant i matrikkeleininga til parten som har fått pålegget. Regelen fører vidare innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 91 andre ledd sjølv om ordlyden er endra. Grunnivinga for forslaget går fram av kapittel 13.9.4.3.

*Første punktum* seier at ved tinglysing av utdrag av rettsboka etter § 6-31 første ledd i sak etter kapittel 3 og 4, sikrast kostnad eller yting som jordskifteretten legg på ein part med panterett i matrikkeleininga til parten. Med «kostnad» meiner ein ei pengeyting. Med «yting» meiner ein dei tilfella der ein part i ei sak etter lovforslaget kapittel 3 er pålagt å delta i ei investering etter lovforslaget § 3-9 med eit bestemt arbeid. Med formuleringa «matrikkeleininga til parten» meiner ein den matrikkeleininga som har vore med i saka.

*Andre punktum* seier at verknaden av tinglysinga fell bort etter 10 år. Regelen er eit avvik frå reglane i pantelova om bortfall av tinglyst legalpanterett etter tre år, sjå pantelova § 6-3 første ledd.

#### *Til kapittel 8 Rettsmiddel med vidare*

Lovforslaget kapittel 8 gjeld rettsmiddel. Det erstattar kapittel 7 i gjeldande jordskiftelov. Kapitlet gjeld som tidlegare både anke og gjenopning. I tillegg er det vist til nokre reglar som gjeld prøving av skjønn som jordskifteretten har avgjort. Rettsmiddelordninga er drøfta i kapittel 14.

Kapitlet tek først opp ulike rettsmiddel og fastset kva for prosessreglar som gjeld. Dernest er det fastsett nokre reglar for anke og ankebehandlinga. Til slutt finn ein reglar for gjenopning.

#### *Til § 8-1 Rettsmiddel og kva for prosessreglar som gjeld ved bruk av rettsmiddel*

Paragrafen byggjer i nokon grad på innhaldet i §§ 61 og 63 tredje ledd.

Det går fram av *første ledd* at avgjerd teke av jordskifteretten kan prøvast med anke til lagmannsretten. Det er nytt at prøving av alle typar avgjerder går til lagmannsretten. Sjå drøftinga av dette endringsforslaget i kapittel 14.1. Etter gjeldande jordskiftelov § 61 er det berre anke over visse avgjerder som er nemnde i andre og tredje ledd som går til lagmannsretten. Andre avgjerder jordskifteretten gjer kan etter gjeldande jordskif-

telov § 61 fjerde ledd ankast til jordskifteoverretten. Forslaget fører til at det ikkje lenger er nødvendig å vurdere om prøvinga skal skje i den eine eller den andre domstolen. Det går fram mellom anna av lovforslaget § 8-7 at samansetjinga av retten vil variere avhengig av kva kravet om prøving gjeld. I lovforslaget § 8-1 andre til femte ledd er det elles fastsett ulike prosessformer avhengig av kva kravet om prøving gjeld. Grunningvinga for endringsforslaga går fram av kapitla 14.1.3, 14.2.3 og 14.3.3.

Det går fram av føresegna at avgjerda «kan prøvast». Grunnlaget for prøvinga i ankeinstansen er det partane i ankesaka har anka over. Fordi alle ankesaker skal gå for lagmannsretten, er det inga avkorting i lova av den kompetansen lagmannsretten har. Innanfor det anken gjeld, må lagmannsretten såleis etter lovforslaget kunne bruke alle verkemidla i jordskiftelova.

Føresegna er knytt til avgjerdsforma som er nytta, ikkje til ein særskilt sakstype. Ein kan såleis sjå for seg at ulike partar eller partskonstellasjonar nyttar rettsmiddel, for eksempel anke eller overskjønn samtidig.

Ut over dette fører forslaget i § 8-1 første ledd til at det blir mogleg å få ei overprøving av heile jordskiftedelen i dei såkalla tiltaks- og vernejordskifta, saker der skjønn og jordskifte er kombinerte, sjå definisjonen av slike saker i lovforslaget § 1-3 b og c, og heimelen for å halde skjønn i lovforslaget § 5-1.

Det går fram av *andre ledd* at ved anke over dom, orskurd eller vedtak, gjeld reglane i tvistelova fullt ut. Dei ulike formene for avgjerd som er nemnde i paragrafen er definerte i lovforslaget § 6-23 første til fjerde ledd. Regelen i lovforslaget har fått ei generell utforming. Regelen gjeld såleis alle orskurder og vedtak, ikkje berre dei som går fram av gjeldande jordskiftelov § 61. Han fastset at prosessforma som er aktuell ved handlinga i lagmannsretten går fram av tvistelova, ikkje jordskiftelova.

Når det går fram av lovforslaget at tvistelova gjeld «fullt ut», vil det seie at tvistelova gjeld utan atterhald.

I lovforslaget *tredje ledd første punktum* går det fram at reglane i jordskiftelova gjeld så langt dei høver ved handlinga av jordskifteavgjerder for lagmannsretten. Departementet har grunn til å tru at det berre unntaksvis vil vere behov for å avvike frå reglane om saksbehandling i den nye jordskiftelova. Hovudregelen om samansetjinga av retten går fram av lovforslaget § 8-7 andre ledd første og andre punktum, og legg opp til ei samansetjing som liknar på samansetjinga i jordskifteret-

ten; det skal vere ein jordskiftelagdommar saman med to eller fire oppnemnde jordskiftemeddommarar. Lagmannsretten må dessutan sikrast teknisk hjelp til å utføre reine jordskifteoppgåver som merking og måling med meir, jf. lovforslaget § 8-11 første ledd. Unntaka frå reglane om saksbehandling som regelmessig vil vere aktuelle er såleis ikkje knytt til at handlinga skjer i lagmannsretten, men til at ein er i ein ankesituasjon.

I *tredje ledd andre punktum* går det fram at tvistelova elles gjeld slik det går fram av paragrafane i kapitlet.

Lovforslaget § 8-1 *fjerde ledd* er ny. Det går fram at reglane om saksbehandling i jordskiftelova skal gjelde ved anke over skjønn eller andre avgjerder som er teke i medhald av lovforslaget §§ 5-1 til 5-3, det vil seie kombinerte saker med både jordskifte og skjønn eller andre avgjerder. Føresegna gjeld anten kravet om prøving gjeld jordskifteavgjerda, skjønnet, eller begge delar.

Etter *femte ledd* skal skjønn eller andre avgjerder teke som eiga sak i medhald av lovforslaget §§ 5-4 til 5-6 prøvast ved krav om overskjønn til lagmannsretten, etter reglane i skjønnsprosesslova. Femte ledd er teke inn ut frå omsynet til å informere lesarane av lova. Overskjønn er ikkje eit rettsmiddel etter jordskiftelova, jf. omgrepet «anke» i lovforslaget § 8-1 første ledd. Innhaldet i lovforslaget § 8-1 femte ledd er om lag som gjeldande lov og praksis, men ordlyden er gjort meir generell enn gjeldande føresegner, og omfattar såleis noko meir.

*Sjette ledd* er ein ny regel. Regelen har samanheng med at alle avgjerder etter den nye lova skal behandlast i lagmannsretten, og byggjer på at denne handlinga vil bli mest effektiv om dei ulike avgjerdene i den same saka blir behandla av dei same dommarane og nokolunde samstundes i tid. Føresegna gjeld avgjerder som er definerte i lovforslaget § 6-23. Skjønn som eiga sak, fell såleis utanfor.

Dei ulike avgjerdene må vere fastsette «i same sak». Kva som er same sak må ein sjå i lys av omgrepet «heile saka» som er brukt i lovforslaget § 8-2 første ledd. Det følgjer av lovforslaget § 6-1 andre ledd bokstav j, at tvistelova §§ 15-2 og 15-6 gjeld. Det vil for det første seie at fleire partar er saksøkte i ei sak anten frå starten av, eller undervegs i saka. I andre høve kan jordskifteretten ha fastsett at likearta spørsmål som skal behandlast med same samansetjing i retten og etter hovudsakleg dei same reglane om saksbehandling er samla til felles behandling og felles avgjerd. Eksempel på dette er fastsetjing av grense etter lovforslaget kapittel 4 og jordskiftesak etter lovfor-

slaget kapittel 3. Dei to sakene er da avgjort i same sak.

Det må ankast «samtidig». Formuleringa er ikkje meint slik at dei ulike ankane må komme inn til retten på same dagen, men dei må vere innkomne innan ankefristen i lovforslaget § 8-3. Ein kan såleis tenkje seg at det er anka med nokre dagar eller vekers mellomrom.

Føresegna fastset at anken «kan» behandlast som ei sak. Det er såleis rom for å vurdere kva som er mest tenleg. Det går fram av andre punktum at vurderinga ligg til førstelagmannen som etter domstollova § 11 skal fordele sakene mellom dommarane ved domstolen. Avgjerda kan ikkje ankast. Sjå elles lovforslaget § 8-7 tredje ledd som fastset at førstelagmannen i høve som dette avgjer samansetjinga av retten.

Føresegna tek ikkje stilling til kva for prosessform behandlinga skal følgje. Ho opnar såleis for at prosessen følgjer prosessforma for det eller dei avgjerdene det er anka over, sjå omtale i samband med lovforslaget § 8-1 andre til fjerde ledd. Lagmannsretten må da etter omstenda, og på same vis som jordskifteretten, sjølv sameine fleire prosessformer i ei og same sak.

I *sjuande ledd* er det fastsett at avgjerd etter lova kan gjenopnast slik det går fram av lovforslaget § 8-14.

#### *Til § 8-2 Når avgjerd kan ankast, og utsett iverksetjing av jordskiftet*

Grunngivinga for endringane går fram av kapittel 14.5.3.

Etter lovforslaget § 8-2 *første ledd* kan anke berre brukast når jordskifteretten har avgjort heile saka. Sjå omtalen i «til § 8-1 sjettedde» av kva som må reknast som ei sak. Regelen fastset tidspunktet for når ankemoglegheita oppstår. Regelen byggjer på praksis etter gjeldand jordskiftelov § 62 første ledd.

Jordskifteretten har avgjort heile saka når det er gitt slik underretning som fastsett i lovforslaget § 6-25 andre ledd. Det er der vist til at tvistelova § 19-5 skal gjelde tilsvarende så langt regelen høver. Dette inneber at avgjerder som avsluttar saka skal forkynnast for partane og eventuelle partshjelparar. Heller ikkje dette er nytt.

I *andre ledd* er det fastsett eit unntak slik at orskurd kan ankast straks han er forkynt eller avsagt overfor partane. Tidspunktet for forkynning eller avseiing blir da utgangspunktet for ankefrist etter lovforslaget § 8-3 jf. domstollova § 147. Innhaldet i omgrepet orskurd går fram av lovforslaget § 6-23 andre ledd.

Regelen byggjer på gjeldande jordskiftelov § 62 tredje ledd, men utvidar denne heimelen til å gjelde alle orskurdar.

Det er først når orskurden er forkynt eller avsagt at avgjerda kan ankast. Det går fram av tvistelova § 19-4 andre ledd at avgjerda er avsagt skriftleg når alle medlemmene i retten har underteikna avgjerda. Ein orskurd som avsluttar saka skal etter tvistelova § 19-5 forkynnast. I lovforslaget § 6-1 andre ledd bokstav n er det lagt til grunn at tvistelova kapittel 19 gjeld.

*Tredje ledd* i lovforslaget fastset òg unntak frå hovudregelen om at anke kan framsetjast når jordskifteretten har avgjort heile saka.

Jordskifteretten kan etter lovforslaget *tredje ledd første punktum* gjere vedtak om at det kan ankast før heile saka er avgjort. Føresegna legg til rette for at avgjerda etter ei konkret vurdering kan ankast før heile saka er avgjort. Det nye i lovforslaget er at opninga for å sette ei avgjerd til «førehands påanke» er gjort generell.

Avgjerda jordskifteretten tek, er eit vedtak, jf. lovforslaget § 6-23 tredje ledd. Vedtaket kan ankast dersom jordskifteretten med heimel i lovforslaget § 8-2 tredje ledd har fastsett dette.

I *tredje ledd andre punktum* er det gjort unntak frå første punktum. Unntaket gjeld dom som gjeld eigedom eller bruksrett for ein som ikkje er godkjent som eigar eller bruksrettshavar i jordskifteområdet. Slik avgjerd skal kunne ankast straks, og utan at jordskifteretten har gjort eige vedtak om det. Etter *tredje ledd tredje punktum* gjeld det same for nabo til jordskifteområdet. Dei to punktuma tilsvarende gjeldande lov § 62 andre ledd første punktum som både gjeld eigarar og bruksrettshavarar innan skiftefeltet, og grannar og bruksrettshavarar som grensar til skiftefeltet.

Regelen i lovforslaget § 8-2 tredje ledd andre og tredje punktum fører til at tidspunktet for at retten til å anke oppstår og ankefristen blir lik anten den som vil anke er «godkjent» som eigar eller bruksrettshavar, er del av jordskifteområdet eller høyrer til utanfor dette området (skiftefeltet). Det er såleis utan interesse å skilje mellom dei ulike gruppene som er nemnde. Føresetnaden er som tidlegare at vedkomande har vore part i den tvisten avgjerda gjeld, er blitt behandla som part i dommen, eller at dommen er bindande for han.

*Tredje ledd fjerde punktum* gjer tvistelova § 29-3 tredje ledd gjeldande for vedtak om å tillate anke før heile saka er avgjort. Det betyr at grunngivinga for ein anke over avgjerda etter tredje ledd første punktum anten kan vere at retten har bygd på ei generell feil forståing av kva for avgjerder retten kan treffe etter den føresegna som er

brukt, eller på at avgjerda openbert er uforsvarleg eller urimeleg. Det er nytt i lovforslaget at dette går uttrykkeleg fram.

I *fjerde ledd* går det fram at om det er brukt rettsmiddel mot ei avgjerd, må iverksetjing av jordskiftesaka utsetjast til saka er rettskraftig avgjort. I lovforslaget er regelen gjort generell slik at jordskiftesaka må utsetjast òg ved anke over orskurd eller vedtak.

Når omgrepet rettsmiddel er nytta, gjeld regelen anten det er anka, kravd overskjønn eller sett fram krav om gjenopning.

Det ligg i omgrepet «iverksetjing» at den praktiske iverksetjinga av jordskifteavgjerda må setjast på vent når det er brukt rettsmiddel mot avgjerda.

«Saka» er «rettskraftig avgjort» når det ikkje lenger kan brukast rettsmiddel mot avgjerda.

I nokre høve er ikkje heile saka avgjort før det blir brukt rettsmiddel mot ei avgjerd. Jordskifteretten må i slike høve òg utsetje den vidare behandlinga av jordskiftesaka fram til spørsmålet det er anka over er rettskraftig avgjort. Gjeld den rettskraftige avgjerda av anken eit spørsmål som er sett til førehands påanke, kan jordskifteretten leggje avgjerda til grunn i det vidare arbeidet med jordskifteavgjerda.

I nokre saker der det er anka over ulike spørsmål, kan det tenkjast at dei ulike ankesakene blir rettskraftig avgjort til ulik tid. Eit eksempel på dette er der eit spørsmål er anka vidare til Høgsterett, medan eit anna er rettskraftig avgjort av lagmannsretten. Iverksetjing av jordskiftesaka må i slike tilfelle utsetjast til alle avgjerdene er rettskraftig avgjort.

#### *Til § 8-3 Frist for anke*

Det går fram av lovforslaget § 8-3 at fristen for å anke til vanleg er ein månad. Jordskiftelova følgjer elles reglane i tvistelova § 29-5. Det fører mellom anna til at det kan vere fastsett ein annan ankefrist i lov eller i visse høve av retten. Omgrepet «til vanleg» er nytta for å vise at dette er hovudregelen, og at dei andre reglane om frist følgjer tvistelova. Tilvisinga til tvistelova § 29-5 fører mellom anna til at ankefristen byrjar ved forkynning eller underretning. I lovforslaget går reglane om avseiing og underretning, til dette reglar om forkynning, fram av lovforslaget § 6-25 som blant anna viser til tvistelova §§ 19-4 og 19-5.

Grunngivinga for endringane går fram av kapittel 14.6.3.

#### *Til § 8-4 Avkall på rett til å anke*

Det går fram av *første punktum* at tvistelova § 29-6 gjeld den retten partane har til å seie frå seg moglegheita til å anke. Regelen svarar til gjeldande jordskiftelov § 97 første ledd a. Tvistelova § 29-6 gjer eit skilje mellom avkall på anke før avgjerda skjer, og avkall på anke etter at det er fatta ei avgjerd. I det første tilfellet, kan ein part berre gi avkall på anke om avkallet er gjensidig.

*Andre punktum* seier at avkall på ankerett kan gjelde alle avgjerder tekne etter reglane i jordskiftelova. Andre punktum fører vidare innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 97 bokstav a som viser til tvistelova på dette punktet.

Grunngivinga for endringane går fram av kapittel 14.6.3.

#### *Til § 8-5 Ankefråsegna*

Kravet til innhald i ankefråsegna går fram av lovforslaget § 8-5. Grunngivinga for endringsfor-slaga går fram av kapittel 14.6.3.

I *første ledd* går det fram at ankefråsegna skal fylle krava i tvistelova § 29-9 dersom anke gjeld dom, orskurd eller vedtak.

I tvistelova § 29-9 er det lagt til grunn at anke kan vere skriftleg eller munnleg, og det går fram av tredje ledd at ankefråsegna skal nemne ei rekkje tilhøve, for eksempel kven som er partar med vidare, kva for avgjerd som det er anka over, om anken gjeld heile avgjerda eller berre deler av henne. Det er lagt til grunn i fjerde ledd at ankefråsegna skal gi grunnlag for ei forsvarleg behandling av saka både for partane og for retten.

Anke over jordskifteavgjerd skal òg etter *andre ledd første punktum* i lovforslaget setjast fram anten skriftleg eller munnleg etter reglane i tvistelova § 12-1 for den jordskifteretten som har hatt saka. Med dei justeringane som trengst fordi jordskifteavgjerd ikkje er ei avgjerdsform som finst i tvistelova, er regelen identisk med tvistelova § 29-9 andre ledd.

I *andre ledd andre punktum* går det ut over dette fram kva for tilhøve som skal vere opplyst i ankefråsegna når anken gjeld ei jordskifteavgjerd. Opprekninga av dei tilhøva som må nemnast er ikkje så omfattande som vilkåra i tvistelova § 29-9 tredje ledd. I lovforslaget er det fastsett at namnet på ankeDOMstolen skal nemnast. Det går òg fram at saksnummeret på saka og kva for avgjerd anken gjeld, skal nemnast. Ut over dette skal det i anken opplysast om anken gjeld heile avgjerda eller visse delar av henne, og det skal opplysast

om ankegrunnane som skal opplysa kvifor ein ankar og kva ein vil med anken.

Twistelova § 29-9 fjerde ledd der det står at ankefråsegna skal gi grunnlag for ei forsvarleg behandling av saka for partane og for retten er ikkje gjort direkte gjeldande ved anke over jordskifteavgjerd. Det følgjer likevel av lovforslaget § 8-1 tredje ledd at lovforslaget kapittel 6 gjeld for anke så langt reglane passar. Det er lagt til grunn for lovforslaget § 6-2 tredje ledd at krav om sak skal vere utforma slik at det gir grunnlag for ei forsvarleg behandling av saka, og at innhaldet må vere slik at dei andre partane kan ta stilling til kravet og førebu saka. Ut over dette må kravet gi retten grunnlag for å vurdere om han kan behandle saka. Dette er generelle krav som må gjelde tilsvarende ved anke over jordskifteavgjerd.

I *tredje ledd* er det ein ny regel om anke som gjeld jordskifteavgjerd. Der det ikkje ligg føre særlege grunnar, skal alle som var partar i jordskiftesaka òg bli partar i ankesaka. Den avsluttande jordskifteløysinga er ei løysing som gjeld for alle partane i jordskiftesaka. Sjølv om anken berre gjeld ein del av jordskiftet, kan ei endring som følgje av anken forplante seg til andre delar av jordskiftet, og få følgjer for andre eller alle partar. Regelen sikrar deira interesser. Omsynet til desse partane må avvegast mot omsynet til prosessøkonomi, og omgrepet «særlege grunnar» må tolkast i lys av denne avveginga. Særlege grunnar som kan føre til at ikkje alle partar i jordskiftesaka blir dregne med i ankesaka kan vere at det er anka over ein liten del av avgjerda, samstundes som dei aktuelle endringane som kan skje som følgje av anken berre vil føre til endringar mellom nokre av partane. Dei særlege grunnane må gå klart fram på eit tidleg tidspunkt i ankesaka.

#### *Til § 8-6 Saksførebuing i jordskifteretten*

Paragrafen gjeld jordskifteretten si saksførebuing. Grunngevinga av forslaga går fram av kapittel 14.7.3.

Det går fram av *første ledd* at jordskifteretten skal førebu behandlinga av anke som gjeld dom, orskurd eller vedtak. Ein tilsvarende regel gjeld etter jordskiftelova § 63 andre ledd første punktum der det heiter at anke skal givast inn til den jordskifteretten som har teke den avgjerda anken gjeld.

Det går òg fram av første ledd at førebuinga skal følgje tvistelova § 29-10. Jordskifteretten skal da sjå til at det ikkje er manglar ved anken. Om dette er tilfelle, eller om fristen for anke er ute,

skal jordskifteretten gi den ankande parten moglegheit for å avhjelpe feilen. Jordskifteretten kan ikkje sjølv avvise anken, eller gi oppfrisking for fristoversitjing. Kompetansen til å gjere dette ligg til lagmannsretten. Jordskifteretten sørgjer for forkynning av ankefråsegna for partane i saka og fastset frist for merknader frå dei andre partane i saka. Når førebuinga er gjennomført, skal saka sendast til lagmannsretten.

Lovforslaget er ordlydsmessig ei endring i høve til gjeldande jordskiftelov § 63 andre ledd andre punktum der det berre er fastsett at jordskiftedommaren snarast råd skal gjere alle interesserte partar kjende med anken. Twistelova § 29-10 første ledd er likevel gjort gjeldande i jordskiftelova så langt det høver, sjå gjeldande jordskiftelov § 97 første ledd a. Jordskifteretten har såleis òg etter gjeldande rett og i alle saker plikt til å sjå til at det ikkje er manglar ved anken. I tillegg gjeld reglane i tvistelova så langt dei høver for avgjerder som etter gjeldande rett går til lagmannsretten, sjå gjeldande jordskiftelov § 63 tredje ledd. Dette fører til at òg tvistelova § 29-10 andre og tredje ledd gjeld i saker som gjeld dom, orskurd eller vedtak. Alt i alt fører endringa i ordlyd såleis ikkje til endring i innhaldet i regelen.

*Andre ledd* gjeld førebuing i jordskifteretten av anke over jordskifteavgjerd. I slike høve skal jordskifteretten etter *andre ledd første punktum* òg sjå til at det ikkje er manglar ved anken, eller at fristen har gått ut. Om jordskifteretten ser at det ligg føre manglar eller oversitjing av frist, skal jordskifteretten gi partane høve til å rette feilen i samsvar med reglane i tvistelova §§ 16-5 og 16-6. Regelen svarar til regelen for dom med vidare. Han svarar òg til slik regelen er i gjeldande jordskiftelov, sjå gjeldande jordskiftelov § 97 første ledd a som gjer at tvistelova § 29-10 første ledd gjeld så langt det høver.

I *andre ledd andre punktum* leggjast det til grunn at avgjerd om avvising med vidare på same måten som for dom med vidare skal treffast av lagmannsretten etter tvistelova § 29-10. Denne regelen er òg i samsvar med gjeldande jordskiftelov § 97 første ledd a.

*Tredje ledd første punktum* seier at ein anke snarast råd skal forkynnast for dei partane det gjeld (sjå òg lovforslaget § 6-22 om avseiing og underretning om avgjerd), og at det skal setjast ein frist for å uttale seg om anken. Føresegna om forkynning svarar til regelen i gjeldande jordskiftelov § 63 andre ledd. Omgrepet «snarast råd» er òg nytta i gjeldande jordskiftelov. Som følgje av lovforslaget § 8-5 tredje ledd vil dei partane ankesaka gjeld normalt vere alle partane i jordskifte-

saka. Føresegna om at det skal setjast ein frist er ikkje lovfesta i gjeldande reglar.

*Tredje ledd andre punktum* seier at saka utan opphald skal sendast til lagmannsretten når fristen for uttale er ute. Sjølv om regelen er ny, har dette vore praksis òg etter gjeldande jordskiftelov.

#### *Til § 8-7 Samansetjinga av lagmannsretten*

Paragrafen gjeld samansetjinga av lagmannsretten ved behandling av anke over ulike avgjerder. Reglane i paragrafen er nye. Grunngevinga for forslaga til samansetjing av langmannsretten går fram av kapittel 14.4.3. Samansetjinga både av fagdommarar og meddommarar vil kunne variere avhengig av kva for avgjerd som det er anka over. Paragrafen må sjåast i samanheng med domstollova § 12 og dei endringane som er foreslått der.

*Første ledd* seier at prøving av dom, orskurd eller vedtak skal behandlast av ein lagmannsrett sett saman etter reglane i domstollova § 12. Utgangspunktet er da ei samansetjing med tre juridiske dommarar. Som følgje av lovforslaget § 9-7 nr. 2 § 12 nytt andre ledd første punktum kan likevel førstelagmannen bestemme at ein av dei tre juridiske dommarane skal vere jordskiftelagdommar. Avgjerda til førstelagmannen om dette kan ikkje ankast.

Føresegna gjeld dom, orskurd eller vedtak, jf. lovforslaget § 6-23 første til tredje ledd. Det følgjer av lovforslaget § 6-23 femte ledd at det ikkje har betydning for overprøvinga om avgjerda i jordskifteretten ikkje er teken i rett form. Ved anke skal ein følgje dei reglane som gjeld for den avgjerdsforma som retten skulle ha brukt.

*Andre ledd* gjeld prøving av jordskifteavgjerd, jf. lovforslaget § 6-23 fjerde ledd. I slike høve er hovudregelen i *andre ledd første punktum* at lagmannsretten skal setjast saman av ein jordskiftelagdommar, definert i lovforslaget § 9-7 nr. 1 domstollova § 54 andre ledd, og av to oppnemnde jordskiftemeddommarar frå det utvalet som er nemnt i § 2-5 i lovforslaget.

Det er foreslått to unntak frå denne hovudregelen. Begge unntaka gir førstelagmannen kompetanse til å fastsetje ei anna samansetjing av retten. Det første unntaket er gitt i *andre ledd andre punktum*. Dersom ein part krev det, kan førstelagmannen fastsetje at retten skal ha fleire meddommarar. I slike høve skal talet på meddommarar vere fire. Dette kan for eksempel vere praktisk i større saker der det kan vere vanskeleg å fastsetje verdien for arealet på eigedommane som går inn i skiftet. Det kan òg vere aktuelt i saker der jordskifteretten var sett saman av ein jordskiftedom-

mar og to meddommarar, sjå lovforslaget § 2-6 andre ledd som opnar for ei slik samansetjing. Det andre unntaket er gitt i *andre ledd tredje punktum*. Førstelagmannen kan som eit alternativ fastsetje at lagmannsretten skal setjast med ein jordskiftelagdommar, ein lagdommar og ein eller tre oppnemnde jordskiftemeddommarar. Reglane om kven som kan vere jordskiftelagdommar og lagdommar går fram av domstollova § 54. Reglane om jordskiftemeddommarar går fram av lovforslaget § 2-5. Ei samansetjing som dette kan for eksempel vere aktuell dersom det etter skjønnet til førstelagmannen eller ut frå den vurderinga førstelagmannen har av dei aktuelle dommarane ved domstolen krevst større breidde i fagkompetansen eller meddommarkompetansen for å løyse saka på ein god måte.

Lovforslaget § 8-7 *tredje ledd* er ein ny regel som gjeld anke som gjeld ulike avgjerder i same sak, og der behandlinga av saka etter § 8-1 er samla i ei sak for lagmannsretten. I slike høve fastset òg førstelagmannen samansetjinga av retten, men jordskiftelagdommaren skal alltid delta ved behandlinga av ein anke over jordskifteavgjerd.

Det går fram av *fjerde ledd* at det òg vil vere opp til førstelagmannen å fastsetje kven som skal vere saksførebuande dommar og leiar av retten. Følgjer samansetjinga hovudregelen i andre ledd første eller andre punktum, vil jordskiftelagdommaren automatisk ha slike roller ved anke over jordskifteavgjerd. Gjeld anken jordskifteavgjerd som omtalt i andre ledd tredje punktum har førstelagmannen eit val slik at ein annan dommar kan bli saksførebuande dommar og/eller leiar av retten. Òg ved andre avgjerder som anke over dom, orskurd eller vedtak kan førstelagmannen etter lovforslaget § 9-7 nr. 1 domstollova § 12 andre ledd fastsetje at ein av dei tre dommarane skal vere jordskiftelagdommar. I slike høve kan førstelagmannen dessutan velje om jordskiftelagdommaren skal ha anten saksførebuande rolle, vere leiar av retten, eller begge delar.

*Femte ledd* seier at avgjerdene førstelagmannen tek etter lovforslaget § 8-7 ikkje kan ankast. Dersom ein eller fleire partar meiner avgjerda er feil, må dette takast opp som ein eventuell ankegrunn når ankesaka er avgjort.

#### *Til § 8-8 Nekting eller avvising av anken*

Grunngevinga for forslaget til føresegn om nekting eller avvising av anken går fram av kapittel 14.8.3.

Paragrafen gjeld den kompetansen lagmannsretten har til å nekte eller avvise anken. Det går



fram av *første ledd* at anken kan avvisast, ankesaka kan hevast og ei anka avgjerd kan opphevast under saksførebuinga i lagmannsretten etter tvistelova § 29-12 første ledd. Lagmannsretten kan såleis avvise ein anke dersom det ligg føre feil som må føre til avvising, heve ei sak eller delar av henne fordi ho ikkje høyrer under domstolane eller er rettskraftig avgjort. Lagmannsretten kan dessutan oppheve ei avgjerd som er anka dersom det ligg føre feil som utan vidare skal tilleggast verknad, jf. tvistelova § 29-21 andre ledd.

*Andre ledd* seier at tvistelova § 29-13 gjeld ved anke over dom. Den same løysinga går fram av gjeldande jordskiftelov § 63 tredje ledd. Kravet til samtykke i tvistelova § 29-13 inneber at anke ikkje kan fremjast utan samtykke frå lagmannsretten dersom verdien av ankegenstanden er lågare enn 125.000,- kroner. Ved vurderinga av om lagmannsretten skal gi samtykke, skal det mellom anna takast omsyn til karakteren saka har, behovet partane har for overprøving og om det synest vere manglar ved avgjerda som er anka eller behandlinga av saka. Lagmannsretten kan nekte å fremje anken når retten finn det klart at anken ikkje vil føre fram. Slik nekting kan avgrensast til nokre krav eller ankegrunnar. Sjølv om saka ikkje blei nekta fremja før ankebehandlinga fordi verdien av ankegenstanden var over 125.000,- kroner, kan nekting skje etter at saka er starta opp dersom det viser seg at verdien er lågare enn denne summen. Lagmannsretten pliktar å gi varsel på førehand om at retten vurderer å nekte å fremje anken.

Det går fram av *tredje ledd første punktum* at lagmannsretten kan nekte å ta anken opp til behandling dersom retten finn det klart at ein anke over jordskifteavgjerd ikkje vil føre fram. *Tredje ledd andre punktum* seier at i slike høve gjeld tvistelova § 29-13 andre ledd. Det inneber at ei nekting kan avgrensast til enkelte krav eller ankegrunnar. Det betyr òg at vurderinga av om det er klart at anken ikkje vil føre fram er den same som etter tvistelova. Det vil seie at vilkåret for å nekte skal tolkast strengt. Det må vere ein høg grad av sikkerheit for at resultatet ville blitt ståande etter ei eventuell full ankeprøving. Det er ikkje noko krav om at lagmannsretten skal vere samd i den avgjerda jordskifteretten har gjort. Det er nok at retten finn det klart at resultatet må bli ståande.

Føresegna om at retten kan nekte behandling av ein anke over jordskifteavgjerd er ny. Regelen har likevel ein viss parallell i gjeldande jordskiftelov § 67 andre ledd andre punktum der det mellom anna er fastsett at om det viser seg at anken

er grunnlaus, skal jordskiftet stadfestast. Etter denne regelen må jordskifteoverretten behandle saka, men avgjerda i jordskifteretten skal stadfestast. Etter regelen i lovforslaget kan retten nekte å ta saka til behandling ved å forkaste anken.

*Fjerde ledd* seier at det er den saksførebuinge dommaren som skal ta avgjerd om å nekte å ta anken opp til behandling etter tredje ledd. Regelen er ei følgje av tredje ledd. Det er òg lagt til grunn i fjerde ledd at partane på same måten som etter tvistelova, skal få høve til å uttale seg på førehand om nektinga.

#### *Til § 8-9 Tilbakekalling av anke, nye fristar*

Grunngivinga for forslaget til føresegn om tilbakekalling av anke og nye fristar i kapittel 14.6.3.5.

Det går fram av *første ledd* at tvistelova § 29-19 gjeld ved tilbakekalling av anke. Regelen i tvistelova gir den som har anka rett til å trekkje anken tilbake fram til ankeforhandlinga har begynt. Om motparten er samd i det, eller dersom saka fullt ut skal behandlast skriftleg, kan anken trekkjast tilbake fram til kravet er avgjort. Blir ein anke trekt tilbake, er dette til hinder for ny anke.

Regelen i første ledd gjeld etter gjeldande lov for anke over dom med vidare som går til lagmannsretten. Det er nytt ved lovforslaget regelen vil gjelde anke over jordskifteavgjerd. I høve til jordskifteavgjerd tilsvarer regelen eit stykke på veg gjeldande jordskiftelov § 68 første ledd. Der er det lagt til grunn at anke til jordskifteoverrett kan kallast tilbake når det gjeld ankepost som ikkje er avgjort. Er ankeposten avgjort, kan anken kallast tilbake om alle som saka gjeld er samde i det. For saker som etter gjeldande rett går til jordskifteoverretten, er regelen i lovforslaget ei innstramming i tidsrommet som ein anke kan trekkjast tilbake.

Etter *andre ledd* skal lagmannsretten endre fristar for iverksetjing etter § 3-36 om anken blir kalla tilbake etter at ankefristen er ute, og dersom retten finn at endring trengst. Føresegnene i andre ledd får noko å seie ved jordskifteavgjerd, og fører vidare regelen i gjeldande jordskiftelov § 68 andre ledd første og andre punktum som gir heimel for å endre fristar.

#### *Til § 8-10 Prøving av jordskifteavgjerd*

Grunngivinga for forslaget til føresegn om prøvinga av jordskifteavgjerd går fram av kapittel 14.9.3 og 14.11.3.

I lovforslaget § 8-10 er det lagt opp til nye ord og uttrykk slik at terminologien er tilpassa at lagmannsretten er ankeinstans.

Det går fram av *første ledd* at lagmannsretten kan prøve alle sider av jordskifteavgjerda.

Det går fram av *andre ledd* at om anke over jordskifteavgjerd ikkje fører til endring, skal anken forkastast etter tvistelova § 29-23 andre ledd. I tvistelova § 29-23 andre ledd er det fastsett at lagmannsretten skal forkaste anken om retten finn at han ikkje kan føre fram. Regelen gjeld uansett kva for ankegrunnar som det er vist til. Regelen er ei endring i høve til gjeldande jordskiftelov § 67 andre ledd andre punktum der det er fastsett at om anken berre kan føre til endring som det etter måten ikkje kan leggjast nemnande vekt på, skal jordskiftet stadfestast.

Etter *tredje ledd* skal lagmannsretten, om anke over jordskifteavgjerd fører til (nemnande) endring, ta ei ny jordskifteavgjerd eller oppheve avgjerda etter tvistelova §§ 29-23 tredje ledd og 29-24. Det ligg i tilvisingane at lagmannsretten ved opphevinga kan bestemme at den vidare behandlinga av saka skal skje for ein annan domstol eller med andre dommarar. Om grunnen til oppheving fører til at det ikkje er mogleg å fortsetje behandlinga av saka, skal ho avisast. Når saka er oppheva, skal ho sendast til den domstolen som skal behandle saka vidare. Retten skal av eige tiltak sørge for behandlinga. Ved behandlinga skal jordskifteretten følgje den rettsoppfatninga som ligg til grunn for opphevinga frå lagmannsretten.

Blir avgjerda oppheva, går saka tilbake til jordskifteretten for behandling, sjå tvistelova §§ 29-23 og 29-24. Jordskifteretten må da kalle inn til ny behandling. Fristen på to veker etter lovforslaget § 6-10 vil da gjelde. Dette er ei endring i høve til gjeldande jordskiftelov § 65 andre ledd der fristen er på tre veker.

*Fjerde ledd* gjeld når lagmannsretten skal treffe ny jordskifteavgjerd. I slike tilfelle kan lagmannsretten trekkje inn og dei delane av jordskifteavgjerda frå jordskifteretten som det ikkje er anka over. Føresegna opnar for at lagmannsretten kan ta til behandling tilhøve som ikkje er påanka. Lagmannsretten kan i slike høve, gå så langt som det er nødvendig for å fylle vilkåra i lovforslaget §§ 3-18 og 3-19, som slår fast at ingen part skal li tap ved jordskifteløysinga, og at jordskifteløysinga heller ikkje skal redusere verdien av eigedommen for nokon som har panterett eller bruksrett til han. Vurderinga er såleis knytt til tapsgarantien i lovforslaget, ikkje til det resultatet parten har oppnådd i jordskifteretten.

Moglegheita til å utvide saka og tilhøvet til garantien ein har mot tap etter jordskiftelova er ikkje ny, sjølv om ordlyden i lovforslaget er ein annan enn i gjeldande lov. Sjø gjeldande jordskiftelov § 67 andre ledd femte og sjette punktum som gir jordskifteoverretten kompetanse til å granske jordskiftet så langt retten finn det nødvendig. I gjeldande lov er det òg lagt til grunn at ei endring i jordskiftet som dette kan føre til, kan gjennomførast sjølv om ankeparten i det heile ikkje blir så godt faren som han var etter jordskiftet. Slik lovforslaget er utforma vil lagmannsretten ha den same kompetansen til å utvide saka som jordskifteretten har i dag. Lagmannsretten kan for eksempel ta opp heile jordskiftet til behandling dersom retten finn det nødvendig for å fylle vilkåret om ikkje-tap, sjå blant anna Borgarting lagmannsrett i dom 8. september 1998.

Det følgjer av *femte ledd* at om det kjem opp tvist om grenser, eigedomsrett, rettar eller anna som jordskifteretten ikkje har avgjort endeleg, kan lagmannsretten avgjere tvisten om det trengst av omsyn til jordskiftet. Regelen svarar til gjeldande jordskiftelov § 70 første ledd. Tvisten er avgjort endeleg dersom jordskifteretten har sett dommen til førehands påanke, og ankefristen er ute, eller om lagmannsretten har behandla anken.

Etter gjeldande lov ankast slike tvistar til lagmannsretten medan jordskifteavgjerda ankast til jordskifteoverretten. Gjeldande jordskiftelov har samstundes ein regel i § 70 første ledd som tek sikte på å dekkje nokolunde det same innhaldet som føresegna i lovforslaget. Etter denne regelen skal jordskifteoverretten avgjere tvisten om det trengst av omsyn til jordskiftet dersom slik tvist ikkje er avgjort av jordskifteretten ved dom eller der tvisten heller ikkje er endeleg avgjort på annan måte.

*Sjette ledd* er nytt. Der seiast det at tvistelova § 29-3 andre ledd gjeld for ei avgjerd om å vise ei sak tilbake til jordskifteretten. Det følgjer av dette at avgjerda berre kan angripast på det grunnlaget at avgjerda er uforsvarleg eller klart urimeleg. Med angripast meinast både anke og at orskurden blir nytta som ankegrunn ved anke over ein seinare dom eller ei orskurd. Ei avgjerd om å vise ei sak tilbake til jordskifteretten er å rekne som ei saksbehandlingsavgjerd, og avgjerda skal byggje på kva som er tenleg og forsvarleg. At avgjerda etter tvistelova må vere uforsvarleg eller klart urimeleg, fører ikkje til eit krav om at urimelegheita er sterk eller openberr. På den andre sida er det ikkje nok at avgjerda i lagmannsretten er lite rimeleg eller mindre rimeleg enn eit anna utfall.

*Til § 8-11 Hjelp til teknisk arbeid*

Grunngivinga for forslaget til føresegn om hjelp til teknisk arbeid går fram av kapittel 14.10.3.

Etter *første ledd* pliktar jordskifteretten å gi teknisk hjelp til lagmannsretten dersom lagmannsretten ber om det. Føresegna er ny, og har bakgrunn i at jordskifteretten og lagmannsretten er to ulike organisasjonar. Lagmannsretten skal etter lovforslaget § 9-7 nr. 1 domstollova ny § 62 a, ha jordskifteteknisk personale. Føresegna vil etter dette ikkje vere aktuell å bruke i alle saker. Slik assistanse er særleg aktuell når det er mogleg å bruke lokal teknisk hjelp, og dette reduserer kostnadene, for eksempel reiseutgifter.

Det er den jordskifteretten som har avgjort saka i første instans som har ei slik plikt. Med teknisk hjelp er meint hjelp til merking, måling og andre tekniske oppgåver. Lagmannsretten kan be om hjelp som ein del av saksførebuinga, men kan òg ta dette opp på eit seinare tidspunkt.

Etter gjeldande jordskiftelov § 69 andre ledd har jordskiftedommaren som har styrt jordskiftet plikt til å møte ved overjordskifte og stå til teneste om jordskifteretten finn det nødvendig. Denne plikta er av eit anna slag enn plikta etter lovforslaget til å gi teknisk hjelp.

I *andre ledd* går det fram at lagmannsretten kan bestemme at jordskifteretten skal merke av dei nye grensene som følgje av ankebehandlinga. Det følgjer av lovforslaget § 8-10 tredje ledd at lagmannsretten kan bestemme at jordskifteretten skal behandle saka vidare. Denne føresegna gjeld realitetsbehandlinga. Der lovforslaget § 8-11 andre ledd blir aktuell, er realiteten i saka avgjort, men merking med vidare står att. Dette kan lagmannsretten òg overlate til jordskifteretten.

*Til § 8-12 Frist for å setje i verk jordskiftet*

Grunngivinga for forslaget til føresegn om frist for å setje i verk jordskiftet går fram av kapittel 14.12.3.

Lagmannsretten vil som ein del av den endelege jordskifteavgjerda, og med heimel i *første punktum*, ha kompetanse til å fastsetje nye fristar for å setje jordskiftet i verk. Denne kompetansen har lagmannsretten allereie etter lovforslaget § 3-36 jf. § 6-27, fordi det er fastsett i lovforslaget § 8-1 tredje ledd at reglane i lova gjeld ved anke over jordskifteavgjerd.

Om det ikkje er gitt ein ny frist i ankeavgjerda, og ein part krev det, går det fram av lovforslaget § 8-12 *andre punktum* at førstelagmannen kan gi nye fristar.

Kompetansen til å gi fristar følgjer av gjeldande jordskiftelov §§ 59 og 66.

*Til § 8-13 Anke til Høgsterett*

Grunngivinga for forslaget til føresegn om anke til Høgsterett går fram av kapittel 14.13.3.

Av denne paragrafen går det fram at Høgsterett er ankeinstans for avgjerder som er tekne av lagmannsretten etter ny jordskiftelov. I slike høve gjeld tvistelova kapittel 29 eller 30. Gjeld avgjerda i lagmannsretten anke over jordskifteavgjerd eller slik avgjerd i kombinasjon med krav om overskjønn, kan avgjerda berre ankast på grunnlag av feil rettsbruk eller feil ved saksbehandlinga. Regelen er ny, og ho er ei følgje av at lagmannsretten blir einaste ankeinstans.

*Til § 8-14 Gjenopning*

Grunngivinga for forslaga til føresegner om gjenopning går fram av kapittel 14.14.3.

Etter denne paragrafen kan ei sak som er avgjort etter jordskiftelova gjenopnast. Rettsmidlet gjeld sak som er «rettskraftig avgjort» slik dette er formulert i tvistelova § 19-14. Gjenopninga er eit ekstraordinært rettsmiddel, og det er subsidiært i høve til rettsmiddel som anke og oppfrisking.

Det går fram av paragrafen at vilkåra for gjenopning av sak etter ny jordskiftelov følgjer reglane i tvistelova kapittel 31. Heimelen for gjenopning er etter gjeldande lov § 73 første ledd som på same vis viser til tvistelova kapittel 31. Det fører mellom anna til at gjenopning ikkje kan krevjast for avgjerder som gjeld midlertidig, for eksempel der retten har gitt reglar for bruken av jordskifteområdet medan jordskiftet pågår, sjå lovforslaget § 3-34. Avgjerd om å nekte anke og orskurd om å nekte oppfrisking kan berre gjenopnast på grunnlag av slike feil ved rettargongen som er nemnde i tvistelova § 31-3.

*Til § 8-15 Særleg vilkår ved gjenopning av jordskifteavgjerd*

Vilkåra for å gjenopne jordskifteavgjerd følgjer hovudregelen i tvistelova kapittel 31. I tillegg til dette går det fram av *første ledd* at jordskifteavgjerd kan gjenopnast dersom føresetnadene som er lagt til grunn for avgjerda endrast på ein slik måte at avgjerande tiltak i jordskifteløysinga ikkje kan gjennomførast, og det er tvillaust at garantien mot å li tap etter lovforslaget §§ 3-18 og 3-19 ikkje er oppfylt for ein eller fleire. Eksempel på at føre-

setnadene er endra vil vere dersom kommunen eller andre planmyndigheiter endrar ein kommuneplan på ein slik måte at tiltaket ikkje kan realisere lenger. Ei slik endring etter at jordskiftet er rettskraftig, kan lett føre til at ein eller fleire partar kjem ut av skiftet med tap og at resultatet derfor er i strid med lovforslaget §§ 3-18 og 3-19. Det er eit vilkår at «avgjerande tiltak» ikkje kan gjennomførast. Eksempel på dette er bygging av veg, tørrlegging før nydyrking og liknande. Det må vere «tvillaust» at garantien mot å li tap ikkje er oppfylt.

Spørsmålet om gjenopning må sjåast i lys av at ei jordskifteavgjerd kan takast opp att når det er gått 10 år. Sjå gjeldande lov § 4 og lovforslaget § 3-37 Sperretid for nytt jordskifte. Ved ei slik sak vil ein òg kunne sjå på utviklinga som i tid har funne stad etter at saka var oppe. Dette skil ei sak etter lovforslaget § 3-37 frå ei sak etter lovforslaget § 8-15.

Spørsmålet om gjenopning har samanheng med dei fristane som retten har sett for iverksetjing av jordskiftet, sjå lovforslaget § 3-36 som gjeld slike fristar (gjeldande jordskiftelov § 59). Det går fram av lovforslaget § 8-15 *andre ledd* at det ikkje kan krevjast gjenopning etter første ledd dersom fristen for å iverksetje tiltaket er ute.

#### *Til § 8-16 Nærare om behandlinga av sak om gjenopning*

Det går fram av *første ledd* at krav om gjenopning av ei sak som er avgjort av jordskifteretten skal rettast til ein jordskifterett med jordskiftesokn som grenser til domstolen som har teke avgjerda. Føresegna er i samsvar med løysinga i tvistelova § 31-1 tredje ledd. Gjeld kravet gjenopning for lagmannsretten følgjer løysinga direkte av tvistelova § 31-1 tredje ledd. Den som krev gjenopning vel sjølv kva for sideordna domstol kravet skal rettast til. Om dette valet ikkje viser seg tenleg, kan dei alminnelege reglane i domstollova § 38 gi moglegheit til å overføre saka til ein annan domstol, jf. lovforslaget § 2-2 der det er lagt til grunn at domstollova gjeld om ikkje anna er fastsett.

I *andre ledd* er oppgåvene for gjenopningsdomstolen nemnde. Gjenopningsdomstolen skal gjere dei endringane som trengst for å rette opp mishøvet. Gjeld endringa grenser eller liknande der kostnadene ikkje vil stå i rimeleg høve til det ein oppnår, kan endringar gjerast opp heilt eller delvis i pengar, skog eller andre verdjar. Innhaldet i andre ledd er i samsvar med gjeldande jordskiftelov § 73 tredje ledd andre og tredje punktum.

*Tredje ledd* fastset at reglane i tvistelova kapittel 31 skal gjelde så langt dei høver. Dette gjeld

frist for krav om gjenopning, utforminga av kravet om gjenopning, og behandlinga i retten.

#### *Til kapittel 9 Ymse føresegner*

Reglane i dette kapitlet er behandla i kapittel 15 i proposisjonen.

#### *Til § 9-1 Utbetaling av pengevederlag*

Paragrafen erstattar gjeldande jordskiftelov § 90.

Paragrafen har reglar om utbetaling av pengevederlag til eigaren av ein pantsett eigedom, og om deponering. For å sikre panthavarar mot at eigaren skal bruke opp pengane slik at sikkerheita til panthavaren blir redusert, er det i jordskiftelova § 90 første ledd sett eit forbod mot å betale ut eit pengevederlag til eigaren utan at rettshavarane samtykkjer. Regelen blir ført vidare i *første ledd*. Regelen har samanheng med at eit jordskifte er bindande for alle som har rettar i dei eigedommane som er underlagt jordskifte, òg panthavarar og andre med sikkerheit i eigedommane.

Etter *andre ledd* gjeld reglane i lov 17. februar 1939 om deponering i gjeldshøve, tilsvarande for deponering av pengevederlag som ikkje kan utbetaltast etter første ledd. Deponeringa skal da skje i Noregs Bank, og ikkje hos politimeistaren, slik det er etter gjeldande lov.

#### *Til § 9-2 Skyldnader knytte til eigedom som er med i jordskifte*

Paragrafen erstattar gjeldande lov 92 første ledd.

Paragrafen omhandlar skyldnader knytt til eigedom som er med i jordskifte. *Første og andre punktum* avløyser og er innhaldsmessig likelydande med gjeldande jordskiftelov § 92 første ledd første og andre punktum. Regelen gjeld dei tilfella der ein eigedom er pålagt plikter eller grunnbyrder av ulike slag, gjerne knytt til avgrensa delar av eigdommen. Blir eit grunnstykke overført til ein annan eigedom, skal pliktene følgje med så langt det lar seg gjere utan avgjerande ulempe for det som er formålet med jordskiftet. Pliktene blir fjerna frå den eine eigdommen, og tinglyst på den nye tenande eigdommen.

#### *Til § 9-3 Meldeplikt etter kulturminnelova*

Paragrafen erstattar gjeldande jordskiftelov § 92 andre ledd.

Etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner, skal offentlege organ som kjem i berøring med til-

tak som fell inn under lova, melde frå til vedkommande kulturminnemyndigheit, jf. kulturminnelova § 25. Denne plikta skal òg gjelde for jordskifterettane, for tiltak som blir planlagd eller sett i verk i samband med jordskifte. Meldeplikta gjeld for jordskifterettane «ved sida av eigar og brukar». Dette inneber at eigar og brukar òg har ei meldeplikt sjølv om saka er under jordskifte, sjå kulturminnelova § 8. Paragrafen fører vidare regelen i gjeldande lov.

#### *Til § 9-4 Fordeling av skogfond*

Paragrafen omhandlar den myndigheit jordskifteretten skal ha i høve til fordeling av skogfondsmidlar i eit jordskifte. Paragrafen avløyser gjeldande jordskiftelov § 93, som gir jordskifteretten myndigheit til å ta avgjerder etter lov 27. mai 2005 nr. 31 om skogbruk (skogbrukslova), det vil seie avgjerder som eigentleg høyrer under skogbruksmyndigheita. *Første ledd første punktum* er avgrensa til å gjelde fordeling av inneståande skogfondsmidlar ved ny utforming av eigedom etter lovforslaget § 3-4, ved oppløysing av sameige etter lovforslaget § 3-6, og ved deling av eigedom etter lovforslaget § 3-7. Grunngeving for endringane er gitt i kapittel 15. Fordelinga skal leggjast fram for skogbruksmyndigheita for uttale, sjå *første ledd andre punktum*.

Når det gjeld innhenting av nødvendige løyve frå skogbruksmyndigheita gjeld lovforslaget § 3-17 andre ledd tilsvarande.

Ein føresetnad for kompetansen til å fordele og overføre skogfondsmidlar, er at retten kan få innsyn i saldo i skogfondrekneskapen for dei aktuelle partane. Etter *andre ledd* skal skogbruksmyndigheita gi jordskifteretten innsyn i saldo for skogfondregnskapet når retten ber om det.

Myndigheit for jordskifteretten til å fordele skogfondsmidlar ved deling av eigedom følgjer òg av forskrift om skogfond 3. juli 2006 § 16.

#### *Til § 9-5 Iverksetjing*

*Første punktum* overlet til Kongen å bestemme når lova skal ta til å gjelde. Før lova kan ta til å gjelde, må det gjerast fleire administrative grep. Det må for det første leggjast praktisk til rette for dei endringane som gjeld ankeinstansen.

Det bør òg skje ei oppgradering av det saksbehandlingssystemet jordskifterettane brukar.

I perioden fram til lova tek til å gjelde, vil det òg vere nødvendig med ei oppbygging av kompetansen i jordskifterettane og i nokon grad i lagmannsrettane.

*Andre punktum* fastset at gjeldande jordskiftelov held opp å gjelde samstundes med at den nye jordskiftelova tek til gjelde etter første punktum.

#### *Til § 9-6 Overgangsreglar*

Overgangsreglane er grunnlagt i kapittel 15.2.3.1.

Etter *første ledd* skal saker som er til behandling i jordskifterettane når den nye lova tek til å gjelde, behandlast ferdig etter reglane i gjeldande jordskiftelov. Med «er til behandling» er meint saker der det er fatta vedtak om at saka skal fremjast, og realitetsbehandlinga er i gang, jf. gjeldande lov § 14. Det same gjeld der realitetsbehandlinga har teke til, utan at det er fatta eit fremjingsvedtak. Dersom saka ikkje har kome lenger enn til skriftleg saksførebuing, innhenting av tilsvaret med vidare har realitetsbehandlinga ikkje teke til. Saka er da ikkje «til behandling» i høve til overgangsreglane i § 9-6.

Etter *andre ledd første punktum* skal anke som er innlevert før lova tek til å gjelde, men som ikkje er ferdigbehandla og avgjort, behandlast av lagmannsretten som ankeinstans. Etter lovforslaget trer ankeordninga i kraft utan overgangsperiode når det gjeld kva som er rett ankeinstans. Dette inneber at òg ankar som er innlevert før lova tek til å gjelde, men som ikkje er ferdigbehandla og avgjort av jordskifteoverretten, behandlast ferdig av lagmannsretten som ankeinstans, og med lagmannsretten sett saman etter reglane i den nye jordskiftelova.

Saker som ikkje er ferdigbehandla av jordskifteoverretten, skal overførast til lagmannsretten. Lagmannsretten skal setjast saman etter reglane i den nye lova. Lova er ikkje til hinder for at samansetjinga av lagmannsretten blir den same som i jordskifteoverretten. Det er likevel ikkje nokon automatikk i at løysinga blir slik. I den grad det blir nødvendig med reassumering gjeld tvistelova § 9-17 andre ledd, jf. lovforslaget § 6-1 andre ledd bokstav d.

Saker som etter gjeldande lov skal ankast til lagmannsretten behandlast ferdig av den same lagmannsretten.

I saker der det er anka til lagmannsretten og subsidiært til jordskifteoverretten, kan anke etter § 8-1 sjettedledd bli behandla som ei sak for lagmannsretten. Dette blir avgjort av førstelagmannen. I slike høve skal førstelagmannen etter § 8-7 tredje ledd fastsetje samansetjinga av retten. Lova er såleis ikkje til hinder for at ny løysing med felles behandling av dei to ankane, men retten bør bruke mogelegheita med varsemnd og høyre partane.

Etter at ny lov tek til å gjelde skal behandlinga av ankesakene følgje saksbehandlingsreglane den nye lova, medan reglane i gjeldande lov leggjast til grunn for lagmannsretten si prøving av dei saksbehandlingsfeil og materielle tilhøve som er påanka, jf. *andre ledd andre punktum*. Dette får m.a. verknad for spørsmålet om å skilje ut ein del av saka som eiga sak. Dette kan skje etter lovforslaget, men ikkje etter gjeldande jordskiftelov. Saker som behandlast etter gjeldande jordskiftelov må følgje gjeldande lov også når det gjeld spørsmålet om å dele opp saka.

#### *Til § 9-7 Endringar i andre lover*

Frå den tida den nye jordskiftelova tek til å gjelde, tek òg endringar i ei rekkje andre lover til å gjelde.

### **Til nr. 1. Lov 13.august 1915 nr. 5 om domstolene**

#### *Til § 10*

Denne paragrafen er endra som følgje av at jordskifteoverretten blir slått saman med lagmannsretten.

I *første ledd* er ordet «jordskiftelagdommere» teke inn. Det er heimelen for ein ny type lagdommar. Desse lagdommarane var tidlegare jordskifteoverdommarar. Tilføyinga i *første ledd* fastset òg den nye tittelen til desse tidlegare jordskifteoverdommarane. Kva for ankesaker jordskiftelagdommarane kan behandle, er fastlagt i § 8-2 i lovforslaget.

Andre ledd nytt *tredje punktum* seier at tilkallingsordninga av dommarar til lagmannsretten, òg gjeld for jordskiftelagdommarar og jordskiftedommarar.

#### *Til § 12 nytt andre ledd*

*Andre ledd* er nytt. *Andre ledd første punktum* inneber at førstelagmannen får kompetanse til å bestemme at ein av dei tre dommarane i lagmannsretten skal vere jordskiftelagdommar.

I *andre ledd andre punktum* går det fram at førstelagmannen òg i andre saker som gjeld bruks- eller eigedomsrett til fast eigedom, kan fastsetje tilsvarende samansetjing av retten. Førstelagmannen får såleis ei slik rolle òg i saker som kjem frå tingretten. Saker som gjeld bruks- eller eigedomsrett til fast eigedom, er først og fremst saker der partane har ein valfridom med omsyn til å reise sak for anten jordskifteretten eller tingretten. Ein

kan òg tenkje seg andre saker der tvisten primært er knytt til eigedommen, ikkje til eigartilhøvet eller til utøving av forvaltning.

I *andre ledd tredje punktum* er det lagt til grunn at førstelagmannen si avgjerd om samansetjinga ikkje kan ankast.

#### *Til § 14*

Denne paragrafen er endra for å føre vidare lekmannsinnslaget i ankesaker. Etter § 8-2 i lovforslaget skal det vere to jordskiftemeddommarar i lagmannsretten ved behandling av anke over jordskifteavgjerd. Dersom det er anka både over dom og jordskifteavgjerd, avgjer førstelagmannen korleis lagmannsretten skal vere samansett.

#### *Til § 15*

Denne endringa slår fast at dersom lagmannsretten først er sett med jordskiftelagdommar, så skal jordskiftelagdommaren delta under heile forhandlinga.

#### *Til § 25 nytt femte ledd*

*Femte ledd første punktum* seier at dersom ikkje staten stiller rettslokale til rådvelde for jordskifteretten, skal vedkommande kommune eller kommunar skaffe rettslokale. Dette er ei harmonisering slik at jordskifteretten og tingretten skal ha like vilkår når det gjeld rettslokale.

*Femte ledd andre punktum* seier at domstollova § 25 andre til fjerde ledd gjeld tilsvarende for lokale jordskifteretten bruker til rettsmøte. Det vil seie at staten eller kommunen har ansvaret for å skaffe rettslokale og andre nødvendige rom, og for å sørge for oppvarming, lys, reinhald og utstyr i romma. Andre punktum inneber òg at rettslokala må vere godkjente av Domstoladministrasjonen. Endeleg inneber andre punktum at jordskifteretten kan halde fram med å setje rettsmøte på andre stader enn i dei faste lokala, når det er hensiktsmessig.

#### *Til § 33 a første ledd andre punktum*

Paragrafen er endra som følgje av at jordskifteoverrettane avviklast, og lagmannsretten blir einaste ankeinstans for avgjerdene til jordskifteretten. I staden for ein jordskifteoverdommar kan ein jordskiftelagdommar oppnemnast som medlem av styret for Domstoladministrasjonen.

*Til § 54*

Nedre aldersgrense for ein jordskiftedommar eller ein jordskiftelagdommar er 25 år. Alderskravet er nytt. Det er same aldersgrense som for lagdommarar og tingrettsdommarar. Nedre aldersgrense for ein jordskiftedommarfullmektig er 21 år.

Utdanningskravet er jordskiftedefagleg utdanning på mastergradsnivå, sjå lovforslaget § 2-4 og spesialmerknadene til forslaget.

*Til §§ 55, 55 a, 55 b, 55 d og 55 e*

Desse paragrafane er tilpassa ny rettsmiddelordning. I paragrafane er ordet «jordskifteoverdommer» erstatta med «jordskiftelagdommer».

*Til § 55 g*

Dei tre første ledda i denne paragrafen inneheld føresegnene om funksjonstida til jordskiftedommarfullmektigar. Funksjonstida er som i gjeldande lov. Normal funksjonstid er tre år med mogleg forlenging til fire år. Funksjonstida er eitt år lenger enn for dommarfullmektig ved tingrettane.

Unntaksregelen i nytt *tredje ledd nytt tredje punktum* er ny. Etter dette kan departementet fastsetje unntak frå funksjonstida til jordskiftedommarfullmektigane. Unntaket må gjelde for alle jordskiftedommarfullmektigar. Unntaket kan både forkorte og forlenge funksjonstida.

Nytt *fjerde ledd* gir departementet kompetanse til å gi nærare reglar for tilsetjing av jordskiftedommarfullmektigar. Føresegna er ny. Departementet har same kompetanse når det gjeld reglar for tilsetjing av dommarfullmektigar.

*Til §§ 55 h*

Paragrafen er tilpassa den nye ordninga med jordskiftedommarfullmektigar. Uttrykket «jordskiftedommar med allment løyve» er erstatta med ordet «jordskiftedommarfullmektig».

*Til § 62 a*

Paragrafen slår fast at lagmannsretten skal ha jordskifteteknisk personale. Domstoladministrasjonen avgjer på vanleg måte kor mange slike årsverk det skal vere ved kvar lagmannsrett. I dei økonomiske konsekvensane av lovforslaget har departementet lagt til grunn at det skal vere eitt årsverk ved kvar lagmannsrett.

*Til § 109 nytt andre punktum*

Nytt andre punktum er lagt til i § 109, slik at regelen om verknaden av ugildskap for dommaren og for dommarfullmektigen, skal gjelde tilsvarende for ein jordskiftedommarfullmektig.

*Til §§ 121 b, 121 c og 121 e*

Paragrafane er endra slik at omgrepet «jordskifteoverrettane» er teke ut, jf. forslaget om endringar i ankeordninga.

*Til § 235*

Paragrafen er tilpassa ny rettsmiddelordning. Tittelen «jordskifteoverdommer» i *første ledd* er erstatta med «jordskiftelagdommer». Fordi jordskifteoverretten avviklast, er han teken ut.

*Til § 236*

Paragrafen er endra slik at omgrepet «jordskifteoverretten» er teke ut, jf. forslaget om endringar i ankeordninga.

*Til § 241*

Nytt *tredje ledd* opnar for å godkjenne utdanning i utlandet i jordskiftedefag på same vilkår som i rettsvitskap. Sjølv om lovteksten inneheld ordet mastergrad, er det ikkje meint å vere til hinder for å godkjenne utdanning på tilsvarende nivå frå tida før mastergrad blei innført.

**Til nr. 2. Lov 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast eigedom***Til § 30 nr. 21*

Oreigningslova § 30 nr. 21 er endra slik at føresegna viser til den nye jordskiftelova. Endringa har ingen verknad ut over dette.

**Til nr. 3. Lov 5. mai 1961 om grannegjerde**

*Overskrifta* «Gjerdeskjøn» er endra til «Avgjerd om gjerdehald». Det er ei oppfølging av forslag om endra språkbruk og inneber ikkje noka realitetsendring.

*Til § 5*

*Tredje punktum* endrast slik at det går fram at jordskifteretten skal avgjere tvistar etter § 5. Paragrafen gjeld elles uendra.

*Til 8*

*Første ledd andre punktum* endrast slik at det går fram at jordskifteretten avgjer gjerdehaldsskyldnaden når urimeleg mykje av gjerdehaldsskyldnaden fell på ein av grannane etter den nytten han har av gjerdet. Paragrafen gjeld elles uendra.

*Til § 9*

*Andre punktum* endrast slik at der lende, grindhald eller andre tilhøve gjer gjerdehaldet dyrare på det eine stykket enn på andre, skal skyldnaden jamnast ut med avstyting i lengda eller på annan måte som jordskifteretten fastset. Paragrafen gjeld elles uendra.

*Til § 10*

*Første ledd* endrast slik at det går fram at det er jordskifteretten som kan ta avgjerd om at grannane skal ha heile eller noko av gjerdehaldet i lag eller at den eine skal ha det heile aleine mot at den andre yter honom tilskott. Første ledd endrast òg for å få fram at jordskifteretten skal avgjere tilskottet. Paragrafen gjeld elles uendra.

*Til § 14*

Formuleringa «Jordskifteretten avgjer» i *første ledd første punktum* er brukt for å få fram at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse til å avgjere spørsmål om gjerdehald i samband med sak for jordskifteretten, eller som eiga sak. Omgrepet gjerdehald fannar omgrepa gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling. Lovforslaget inneber ei endring i høve til gjeldande rett der regelen er at gjerdeskjønn i utgangspunktet skal haldast som «lensmannsskjønn». Frå berre å ha kompetanse innanfor ei stadleg avgrensing, får jordskifteretten etter forslaget full kompetanse aleine. Kva som ligg i samband med sak for jordskifteretten, er kommentert i spesialmerknadene til lovforslaget § 5-1.

*Første ledd andre punktum* er nytt. Grannegjerdelova har ikkje reglar om korleis saker etter lova skal behandlast. Nytt andre punktum viser til lovforslaget § 5-7 for skjønn og andre avgjerder etter andre lover etter kapittel 5. Saker etter grannegjerdelova vil behandlast etter den same skiljelina som for andre avgjerder jordskifteretten tek etter kapittel 5. Avgjerande blir om det er ei sak i samband med sak for jordskifteretten, eller ei eiga sak.

*Til § 15*

I *første ledd første punktum* er formuleringa «gjerdeskjønet» endra til «jordskifteretten». Endringa skyldast endra bruk av omgrep og for å få fram at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse.

*Til § 16*

Gjeldande første ledd opphevast som følgje av at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse til å avgjere skjønn etter grannegjerdelova. Det går fram av grannegjerdelova §§ 14 og 15 at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse til å treffe avgjerder etter desse paragrafane.

Gjeldande andre ledd opphevast. Kompetansen jordskifteretten har når det gjeld saker i samband med sak for jordskifteretten går fram av lovforslaget § 5-3 andre ledd bokstav b. Kompetansen til jordskifteretten skal ikkje lenger vere avgrensa til saker som nemnt i gjeldande jordskiftelov § 6 første til fjerde ledd første punktum. Kompetansen jordskifteretten har til å ta avgjerder etter grannegjerdelova §§ 14 og 15 som eiga sak går fram av lovforslaget § 5-4.

Grannegjerdelova § 16 vil etter opphevinga av første og andre ledd berre bestå av eitt ledd. Gjeldande tredje ledd blir § 16. I *første punktum* er ordet «skjøn» erstatta av «avgjerd». Dette er ny bruk av omgrep og ikkje ei realitetsendring. Formuleringa «gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling» er òg erstatta med «gjerdehald». Meininga er at omgrepet skal dekkje «gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling». Dessutan er ordet «skjønet» erstatta av «jordskifteretten» for å få fram at jordskifteretten eksklusivt skal avgjere spørsmålet. Ordet «skjønskostnaden» er endra til «kostnaden» som ein konsekvens av ny bruk av omgrep.

*Til § 17*

*Første ledd første punktum* endrast for å få fram at avgjerdene jordskifteretten tek etter grannegjerdelova er tvangsgrunnlag på same måte som orskurdar. Ordlyden endrast òg i *andre punktum* får å få fram at det er jordskifteretten som eventuelt kan gi klagen utsetjande verknad. Andre endringar gjerast ikkje i første ledd.

*Andre ledd tredje punktum* endrast for å få fram at det er jordskifteretten som no kan avgjere tvist om kostnadsspørsmålet når arbeidet er gjort i dei tilfella der det ikkje er tvangsgrunnlag frå før.



#### Til nr. 4. Lov 16. juni 1961 nr. 12 om ymse beitespørsmål

##### Til § 11

I *første ledd første punktum* er formuleringa «spørsmålet vert avgjort ved skjønn» erstatta av «jordskifteretten skal avgjere spørsmålet». Meininga er at jordskifteretten skal overta kompetansen som ligg til «lensmannsskjønn» etter gjeldande reglar.

Gjeldande *andre punktum* opphevast. Paragrafen får eit nytt andre punktum. Nytt *andre punktum* viser til lovforslaget § 5-7 som gjeld samansetjinga til retten, reglar om saksbehandling, saks-kostnader og rettsmiddel for skjønn og andre avgjerder etter lovforslaget kapittel 5. Saker etter beitelova skal behandlast på same måten som andre avgjerder jordskifteretten tek etter kapittel 5. Avgjerande blir om det er ei sak i samband med sak for jordskifteretten eller ei eiga sak.

I gjeldande andre ledd brukast ordet «skjønet» to stader. Orda er erstatta av «avgjerda» og «jordskifteretten». Endringa er dels ei oppfølging av endra omgrepsbruk og dels for å få fram at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse til å avgjere spørsmålet.

I *tredje ledd* er ordet «skjønsavgjerd» erstatta av «avgjerd». Endringa er ei følgje av forslaget om endra bruk av omgrep.

##### Til § 14 andre ledd første punktum

Den som har beiterett og som blir råka av forbodet i denne paragrafen, kan krevje retten sin avløyst av jordskifteretten. Det er ikkje gjort realitetsendringar i paragrafen. Tilvising til tidlegare lovgiving er teken bort. For behandlinga av slike saker gjeld lovforslaget § 5-7.

#### Til nr. 5. Lov 21. juni 1963 nr. 23 om vegar (veglova)

##### Til § 53

I *første ledd første punktum* er formuleringa «Jordskifteretten kan gjere vedtak om eigedomsinngrep» teken inn. Formuleringa «kan det gjerast vedtak om i skjønn» er teken bort. Grunngivinga for endringa er at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse til å ta dei avgjerdene punktumet omhandlar. Kompetansen tingretten har, eller som ligg til «lensmannsskjønn» i gjeldande reglar, er lagt til jordskifteretten. Kompetansen til jordskifteretten vil ikkje lenger vere stadleg avgrensa. Sjå spesialmerknadene til veglova § 60. I *andre punktum* er ordet «skjønet» erstatta av «jordskifteretten» som ei følgje av endra omgrepsbruk.

I *tredje ledd første og andre punktum* er ordet «skjønet» erstatta av «jordskifteretten» som ei følgje av endra bruk av omgrep. I *tredje punktum* er ordet «Skjønn» erstatta av formuleringa «Sak for jordskifterett» som ein konsekvens av endringane i første og andre punktum.

I *fjerde ledd* er ordlyden i *første punktum* endra. Det er ikkje meininga å endre realitetsinnhaldet i punktumet. I *andre punktum* er formuleringa «det skal haldast nytt skjønn» erstatta med «jordskifteretten avgjer». Endringa er gjort for å få fram at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse.

##### Til § 54

I *tredje ledd* er formuleringa «ved skjønn» erstatta av «av jordskifteretten» for å få fram at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse til å avgjere spørsmålet.

I *fjerde ledd* er formuleringa «skjønn vere kravd» erstatta av «krav om avgjerd vere sett fram» som ei følgje av endra omgrepsbruk.

I *femte ledd* er omgrepet «sidan siste skjønn» erstatta av «av jordskifteretten». Meininga er at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse til å ta avgjerda. Formuleringa «av veglaget» er teken inn i leddet for å få klart fram at òg veglaget kan treffe ny avgjerd. Formuleringa «nytt skjønn» er erstatta av «av jordskifteretten». Meininga er å få fram at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse.

##### Til § 55

I *andre ledd tredje punktum* er ordet «skjønet» erstatta av «jordskifteretten» for å få fram at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse.

I *tredje ledd fjerde punktum* er ordet «skjønn» erstatta av «jordskifteretten» for å få fram at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse.

##### Til § 60

Endringa i *første ledd første punktum* er gjort som ein konsekvens av opphevinga av gjeldande første ledd andre punktum og opphevinga av den stadlege avgrensinga av kompetansen i gjeldande andre ledd. Med unntak av avgjerdene etter kapittel VII skal skjønn etter veglova haldast som rettslege skjønn med moglegheit for å halde «lensmannsskjønn» dersom partane er samde om det. Med unntak for kapittel VII blir reglane som før.

Gjeldande andre ledd opphevast og erstattast av eit nytt andre ledd. Av *nytt andre ledd første punktum* går det fram at jordskifteretten skal ha

eksklusiv kompetanse til å ta dei avgjerdene som er heimla i kapittel VII. Det går fram av *andre punktum* at dette gjeld anten det gjeld sak i samband med sak for jordskifteretten, eller som eiga sak. For behandlinga av saka med meir viser *tredje punktum* til lovforslaget § 5-7 om behandlinga av saker etter kapittel 5. Saker etter veglova kapittel VII vil bli behandla på same måten som andre avgjerder jordskifteretten tek etter kapittel 5. Avgjerande blir om det er sak i samband med sak for jordskifteretten, eller eiga sak.

**Til nr. 6. Lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven)**

*Til § 4 første ledd bokstav b*

Det er gjort ei endring ved at omgrepet «jordskifteloven» er endra til «jordskiftelova» som er kortnamnet på den nye lova. Departementet foreslår ikkje endringar ut over dette.

**Til nr. 7. Lov 29. november 1968 um særlege råderettar over framand eigedom**

*Til § 6*

I *andre ledd første punktum* er formuleringa «etter avgjerd i skjøn» fjerna. Det er ikkje meininga å gjere noka realitetsendring.

*Til § 7*

I *andre ledd første punktum* er formuleringa «etter avgjerd i skjøn» fjerna. Det er ikkje meininga å gjere noka realitetsendring.

*Til endring av overskrifta Skjøn*

Overskrifta «Skjøn» blir endra til «Avgjerd om omskiping, avskipping eller utvising». Endringa heng saman med dei andre endringane i lovforslaget som gjeld omgrepsbruken.

*Til § 18*

*Første ledd første punktum* regulerer spørsmålet om kven som skal ha kompetanse til å styre og ta avgjerder i saker etter §§ 5 til 7 og 13. Den erstattar såleis gjeldande § 19. Meininga er at jordskifteretten skal ha eksklusiv kompetanse, jf. omgrepet «tek avgjerder». Det vil ikkje lenger vere slik at saker etter §§ 5 til 7 og 13 kan styrast av lensmann, namnsfut eller politistasjonssjef med sivile rettspleieoppgåver.

For behandlinga av saken med meir viser *andre punktum* til lovforslaget § 5-7 som gjeld behandlinga av saker etter kapittel 5. Det er ikkje gjort noka endring med omsyn til gjeldande avgrensingar i høve til det å krevje ny omskiping eller avskipping i dei tilfella omskipinga eller avskippinga har grunnlaget sitt i ei avgjerd av jordskifteretten. Formuleringa «i jordskifteretten» viser at reglane handlar om dei avgjerdene jordskifteretten tek etter §§ 5 til 7 og 13.

*Andre ledd* fører vidare gjeldande § 18 andre ledd.

*Til § 19*

I *første ledd første punktum* er andre ledd andre punktum ført vidare.

I *første ledd andre punktum* er andre ledd tredje punktum ført vidare. Ordlyden er endra slik at det visast til paragrafane i lovforslaget som erstattar dei paragrafane det er vist til i gjeldande lov. Gjeldande jordskiftelov § 58 er erstatta med § 6-29, § 61 tredje ledd bokstav d er erstatta med § 8-1 og § 74 tredje ledd er erstatta med § 7-1 andre ledd.

*Andre ledd* fører vidare føreseigna i § 19 tredje ledd. Det er gjort nokre språklege endringar i første punktum.

**Til nr. 8. Lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten**

*Til § 16*

*Tredje ledd andre og tredje punktum:*

Endringa er ein konsekvens av at ein foreslår å oppheve kompetansen jordskifteretten har til å halde valdgiftsjordskifte, sjå kapittel 8.36.1.3 Det er ikkje meininga å gjere endringar i den odelsrettslege statusen til makeskifta areal.

*Femte ledd:*

Departementet foreslår leddet oppheva som ein konsekvens av jordskifteretten ikkje lenger skal ha kompetanse til å halde valdgiftsjordskifte, sjå kapittel 8.36.1.3.

*Til § 32*

*Første ledd andre punktum* opphevast som følge av at ordninga med valdgiftsjordskifte opphevast, sjå kapittel 8.36.1.3.

**Til nr. 9. Lov 6. juni 1975 nr. 31 om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane (fjellova)**

*Til § 16 andre ledd*

Nytt *andre ledd* fører vidare at nokon med beiterett kan bringe ei vedteken beiteordning inn for jordskifteretten. Endringa i fjellova § 16 har samanheng med at gjeldande jordskiftelov § 33 blir oppheva. Den konkrete heimelen for prøvinga til jordskifteretten blir flytta til fjellova, men dette medfører inga realitetsendring i høve til gjeldande fjellov og jordskiftelov. Med dei reglane ein foreslår i den nye jordskiftelova, og den endringa ein foreslår i lov 19. juni 1992 nr. 60 om skogsdrift m.v. i statsallmenningane § 4-2, treng reglar om prøvinga til jordskifteretten av beiteordning heller ikkje stå både i fjellova og statsallmenningslova. Fristen for krav er på 6 månader blir ført vidare. Fristen skal, som etter gjeldande reglar, reknast frå kunnjinginga av den ordninga fjellstyret har gjennomført.

**Til nr. 10. Lov 12. desember 1975 nr. 59 om dokumentavgift**

*Til § 7 femte ledd andre punktum*

Endringa innber ei tilvising til den nye jordskiftelova. Ut over dette gjerast det ikkje endringar.

**Til nr. 11. Lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr**

*Til § 22 første ledd nr. 9*

Endringa innber ei tilvising til den nye jordskiftelova. Ut over dette gjerast det ikkje endringar.

**Til nr. 12. Lov 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v.**

*Til § 25*

Paragraf 25 i lov 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v. inneheld reglar om organisering av fiskeforvaltinga i vassdrag. Etter innlandsfiskelova § 25 åttande ledd første punktum kan det krevjast bruksordning etter gjeldande jordskiftelov for felles organisering av fiskeforvaltinga. Etter andre punktum kan departementet krevje bruksordning etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c, når ingen av partane vil krevje det, eller resultatet av minneleg ordning ikkje er hensiktsmessig. *Første punktum* i § 25 åttande ledd er foreslått endra slik at det blir vist til «jordskiftelova», som er kortnamnet på den nye lova. *Andre punktum* er foreslått endra slik at regelen

viser til § 3-8 i den nye jordskiftelova. Denne paragrafen avløyser gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c.

**Til nr. 13. Lov 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenninger**

*Til § 1-4 (jordskifte)*

I *første ledd* står det at bygdeallmenning kan inngå i slikt jordskifte som omhandla i lovforslaget §§ 3-4 og 3-9. Lovforslaget § 3-4 gjeld ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett, medan lovforslaget § 3-9 gir heimel for pålegg om tiltak som gjeld fleire og pålegg om felles investeringar.

Endringa i første ledd er ei tilpassing til paragrafnemningane i forslag til ny jordskiftelov. Meininga er at jordskifteretten skal ha same kompetanse til å endre tilhøva innan bygdeallmenningane som han har etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b og e.

*Andre ledd* er nytt i paragrafen. I andre ledd seiast det at jordskifteretten kan ordne beitetilhøve i bygdeallmenning dersom styret for allmenningen først har gjennomført beiteordning der, og innehavar av beiterett har kravd sak inn for jordskifteretten innan seks månader. Innhaldet i andre ledd fører vidare innhaldet i gjeldande jordskiftelov § 33 andre ledd.

Fristen på 6 månader førast vidare. Fristen skal, som etter gjeldande reglar, reknast frå kunnjinginga av den ordninga allmenningsstyret har gjennomført.

*Tredje ledd* byggjer på gjeldande bygdeallmenningslov § 1-4 andre ledd. *Tredje ledd første punktum* seier at jordskifteretten kan fastsetje grenser mellom statsallmenning og bygdeallmenning, mellom bygdeallmenningar, og mellom bygdeallmenning og annan tilstøytande eigedom. *Tredje ledd andre punktum* seier at jordskiftelova § 4-2 gjeld tilsvarende for fastsetjing av grensene. Punktumet er teke med for å få fram at grensefastsetjing som involverer bygdeallmenningar kan skje som eiga sak, og at jordskifteretten skal merkje og koordinatfeste grensene etter § 6-29 i forslaget til ny jordskiftelov, på same måte som for andre grensefastsetjingar. Alle dei eigedommane som er nemnde i forslaget til ny jordskiftelov § 4-2 første ledd kan vere «annen tilstøtende eigedom» etter forslaget til ny regel i bygdeallmenningslova § 1-4 tredje ledd.

Ut over dei reglane som etter forslaget er nemnde i bygdeallmenningslova § 1-4, får jordskiftelova ikkje verknad for bygdeallmenningar, sjå *fjerde ledd*. Dette fører vidare gjeldande bygdeallmenningslov § 1-4 tredje ledd.

*Til § 6-3 andre ledd første punktum*

Endringa i § 6-3 andre ledd første punktum kjem som følgje av at den kompetansen jordskifteretten har etter gjeldande jordskiftelov § 33 andre ledd, er flytt til bygdeallmeningslova § 1-4 andre ledd.

**Til nr. 14. Lov 19. juni 1992 nr. 60 om skogsdrift m.v. i statsallmenningene***Til § 4-2 (jordskifte)*

*Første ledd* seier at statsallmenning kan inngå i slikt jordskifte som omhandla i jordskiftelova §§ 3-4 og 3-9. Lovforslaget § 3-4 gjeld ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett, medan lovforslaget § 3-9 gir heimel for pålegg om tiltak som gjeld fleire og pålegg om felles investeringar.

Endringa i første ledd er ei tilpassing til paragrafnemningane i den nye jordskiftelova. Meiningsa er at jordskifteretten skal ha same kompetanse til å endre tilhøva innan statsallmenningane som den har etter gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav b og e.

*Andre ledd* byggjer på gjeldande statsallmeningslov § 4-2 andre ledd. *Andre ledd første punktum* seier at jordskifteretten kan fastsetje grenser mellom statsallmenning og bygdeallmenning, mellom statsallmenningar, og mellom statsallmenning og annan tilstøytande eigedom. *Andre ledd andre punktum* seier at jordskiftelova § 4-2 gjeld tilsvarende for fastsetjing av grensene. Punktumet er teke med for å få fram at grensefastsetjing som involverer statsallmenningar kan skje som eiga sak, og at jordskifteretten skal merkje og koordinatfeste grensene etter § 6-29 i den nye jordskiftelova, på same måte som for andre grensefastsetjingar. Alle dei eigedommane som er nemnde i forslaget til ny jordskiftelov § 4-2 første ledd, kan vere «annen tilstøtende eiendom» etter statsallmenningslova § 4-2 fjerde ledd.

Ut over dei reglane som er nemnde i forslaget til endring i statsallmenningslova § 4-2, får jordskiftelova ikkje verknad for statsallmenningar, sjå *tredje ledd*. Dette fører delvis vidare gjeldande statsallmenningslov § 4-2 tredje ledd. I gjeldande statsallmenningslov § 4-2 står det at gjeldande jordskiftelov § 33 om beiteordning gjeld for statsallmenningar. Denne delen av gjeldande statsallmenningslov § 4-2 først ikkje vidare. Etter lovforslaget vil regelen om prøvinga til jordskifteretten av beiteordning i statsallmenning gå fram av fjellova § 16 andre ledd, sjå forslaget til endringar i fjellova.

I *fjerde ledd* er omgrepet «grensegang» endra til «grensefastsetting», slik at omgrepsbruken blir den same som i den nye jordskiftelova.

**Til nr. 15. Lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova)***Til § 10 tredje punktum*

Endringa er ei tilpassing til ny jordskiftelov.

*Til § 12 femte ledd tredje punktum*

Femte ledd andre punktum gjer unntak frå det generelle delingsforbodet i jordlova § 12 første ledd dersom det i samband med offentleg jordskifte er nødvendig å dele eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Lovforslaget nytt tredje punktum i jordlova § 12 femte ledd seier at det likevel skal vere nødvendig med delingssamtykke når jordskifteretten deler ein eigedom etter lovforslaget §§ 3-7. I eit slikt tilfelle må såleis samtykke til deling liggje føre, sjå forslag til ny jordskiftelov § 3-17 andre ledd.

*Til III åttande ledd*

Jordlova III åttande ledd inneheld ein overgangsregel som ikkje lenger er aktuell. Det vil ikkje lenger kunne reisast skjønn etter jordlova av 1955, og overgangsregelen kan opphevast.

**Til nr. 16. Lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)**

I § 9-2 tredje ledd bokstav g gjerast ei omgrepsendring ved at «jordskifteloven» endrast til «jordskiftelova», som er kortnamnet på den nye lova. Departementet foreslår ikkje endringar ut over dette.

**Til nr. 17. Lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)***Til § 31 tredje ledd bokstav c*

Forslaget til endring inneber at jordskifteretten kan fordele framtidige kostnader etter § 31 anten tiltaket er i samband med eit jordskifte eller som eiga sak. Ved å ta ut formuleringa «dersom vassdragstiltaket har sammenheng med andre tiltak som står under jordskifte» vil det såleis ikkje vere noka avgrensing av kompetansen til jordskifteretten til å fordele kostnader etter bokstav c.

**Til nr. 18. Lov 20. mai 2005 nr. 28 om straff (straffeloven)***Til § 412 nr. 101*

Straffelova § 412 nr. 101 har ei føresegn om endring av gjeldande jordskiftelov § 95. Endringa

inneber at medverknad ikkje straffast. § 412 nr. 101 kan no opphevast. I forslaget til ny jordskiftelov givast det ikkje straffereglar, og det er dermed heller ikkje aktuelt med reglar om medverknadsansvaret.

**Til nr. 19. Lov 17. juni 2005 nr. 85 om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressurser i Finnmark fylke (finnmarksloven)**

*Til 45 Grensegang og tinglysing*

I *første ledd første punktum* er omgrepet «etter jordskifteloven § 88» teke ut. Det er ikkje meininga å endre kompetansen til jordskifteretten som er heimla i finnmarkslova § 45.

*Første og andre punktum i første ledd* er slått saman ved hjelp av omgrepet «som» for å få klarare fram kva jobb jordskifteretten skal gjere.

**Til nr. 20. Lov 17. juni 2005 nr. 101 om eigedomsregistrering (matrikkellova)**

*Til § 24 sjette og sjuande ledd*

Fører sak for jordskifteretten til endringar i matrikkelen skal jordskifteretten etter lovforslaget § 6-30 rapportere til matrikkelmyndigheita om resultatet av saka. Nærare reglar om rapporteringa, mellom anna om rutinar for utferding av matrikkelbrev og for melding mellom matrikkel og grunnbok, givast i forskrift etter matrikkellova § 24 nytt sjette ledd. Endringar i forskrifta og føringsinstruks for matrikkelen må ta høgde for at jordskifteretten er ein domstol der disposisjonsprinsippet gjeld.

**Til nr. 21. Lov 15. juni 2007 nr. 40 om reindrift (reindriftsloven)**

*Til § 8 tredje ledd*

Tredje ledd er endra slik at det blir vist til § 3-9 i den nye jordskiftelova, som omhandlar felles tiltak, og som avløyser gjeldande jordskiftelov § 2 bokstav e om sams tiltak. Det er ikkje gjort endringar ut over dette.

*Til § 21*

I *andre ledd andre punktum* er formuleringa «avgjøres dette ved skjønn ved jordskifteretten» erstatta av «avgjøres dette av jordskifteretten». Det er ikkje meininga å endre det materielle innhaldet i paragrafen.

*Til § 22*

I *andre ledd andre punktum* er formuleringa «erstattes etter skjønn ved jordskifteretten» erstatta av «erstattes etter avgjørelse ved jordskifteretten». Det er ikkje meininga å endre det materielle innhaldet i paragrafen.

*Til 24*

I *andre ledd tredje punktum* er formuleringa «vederlag etter skjønn ved jordskifteretten» erstatta av «vederlag fastsatt av jordskifteretten». Det er ikkje meininga å endre det materielle innhaldet i paragrafen.

*Til § 25*

I *tredje ledd tredje punktum* er formuleringa «kreves fastsatt ved skjønn ved jordskifteretten» erstatta av «kreves fastsatt ved jordskifteretten». Det er ikkje meininga å endre det materielle innhaldet i paragrafen.

*Til § 63*

I *tredje ledd første punktum* er omgrepet skjønn teke bort. I *andre punktum* er ordet «Skjønnet» erstatta av «Jordskifteretten». I *tredje punktum* er ordlyden endra til «Krav for jordskifteretten kan fremmes av den som akter å setje eit tiltak i verk eller av distriktstyret ved lederen.» I *fjerde punktum* er formuleringa «skjønn kreves» erstatta av «krav fremmes».

Det er ikkje meininga å endre det materielle innhaldet i § 63 tredje ledd.

*Til 69*

I *første ledd første punktum* er ordet «ved skjønn» teke ut. Det er ikkje meininga å endre det materielle innhaldet.

I *andre ledd* er formuleringa «ved skjønn» teken ut. Det er ikkje meininga å endre det materielle innhaldet.

*Til § 70 Erstatningsskjønn*

Gjeldande § 70 første ledd blir § 70. Andre til sjette ledd blir ny § 70 a. Det er ikkje foreslått endringar i reglane i første ledd. Når vilkåra elles er oppfylt skal rekvirenten framleis kunne velje mellom tingretten og jordskifteretten for å få avgjort krav om erstatning for skade valde av rein.

*Til ny § 70 a Saksbehandlingen av erstatningskrav*

Innhaldet i paragrafen er det same som innhaldet i gjeldande § 70 andre til sjetten ledd. I tillegg til reglane om saksbehandling i § 70 a, er det reglar om behandlinga av saker etter reindriftslova i § 70 b.

*Til ny § 70 b Forholdet til jordskiftelova*

Jordskiftelova § 6 a andre og tredje punktum har reglar for korleis jordskifteretten skal behandle skjønnsaker etter reindriftslova. Reglane om saksbehandling for avgjerdene til jordskifteretten etter reindriftslova går etter lovforslaget fram av ny § 70 b.

Omgrepet «Saker» i første punktum fannar alle saker jordskifteretten behandlar etter reindriftslova. Sakene skal følgje reglane om saksbehandling i lovforslaget § 5-7.

Det følgjer av gjeldande § 6 a tredje punktum at skjønnsprosesslova § 26 gjeld i tillegg til reglane for jordskifte. Skjønnsprosesslova § 26 gjeld tvist om retten til og vilkåra for å fremje skjønnsforretning og om kva som skal vere gjenstand for skjønn. Kompetansen jordskifteretten har til å avgjere desse spørsmåla går fram av lovforslaget § 5-8. Forslaget inneber inga realitetsendring.

Det følgjer av jordskiftelova § 6 a tredje punktum at skjønn etter reindriftslova basert på avtale (avtaleskjønn, jf. jordskiftelova § 6 fjerde ledd andre punktum) og skjønn som eiga sak, skal gå etter reglane i skjønnsprosesslova. Det følgjer av lovforslaget § 5-6 at avtaleskjønn og andre avtalar om avgjerd etter reindriftslova i samband med sak for jordskifteretten skal følgje reglane om saksbehandling i kapittel 6. For avtaleskjønn og andre avgjerder basert på avtale i samband med sak for jordskifteretten blir det såleis ei endring når det gjeld kva for reglar om saksbehandling jordskifteretten skal følgje. Når det gjeld skjønn og andre avgjerder etter reindriftslova som går som eiga sak, så skal dei behandlast etter reglane i skjønnsprosesslova, sjå lovforslaget § 5-7. Det inneber at departementet ikkje foreslår endringar når det gjeld behandlinga av desse sakene.

**Til nr. 22. Lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan og bygningsloven) § 12-7 nr. 13**

Etter føresegna kan kommunen stille krav i reguleringsplan om fordeling av planskapt netto verdi-

auke ved ulike felles tiltak innanfor heile eller ein nærare bestemt del av planområdet. Paragrafen gir kommunen heimel til å fastsetje at det skal skje ei fordeling av verdiauken som følgjer av reguleringsplanen. Paragrafen gir òg heimel for at kommunen avgrensar geografisk kva for område der det skal skje ei fordeling. Avgrensinga av området for fordeling vil såleis gå fram av reguleringsplanen og kan gjelde heile planområdet, eller delar av det. Sjølve fordelinga av verdiauken gjennomførast av jordskifteretten etter jordskiftelova § 3-30 flg.

Heimelen for kommunen til å fastsetje fordeling av verdiauken er knytt til ein reguleringsplan, og fordelinga vil skje innanfor denne planen. Om fordeling skal gjerast innanfor eit større område, legg løysinga til rette for at kommunen med heimel i plan- og bygningslova § 11-8 tredje ledd bokstav e i arealdelen av kommuneplanen fastset «Sone med krav om felles planlegging for fleire eiendommer, herunder med særlege samarbeids- eller eierformer samt omforming og fornyelse. Bestemmelser i denne sonen kan fastsette at flere eiendommer i et området skal undergis felles planlegging og at det skal brukes særskilte gjennomføringsvirkemidler.» Slik omsynssone er ikkje nødvendig for at kommunen kan fastsetje fordeling av planskapt netto verdiauke i reguleringsplan, men kan vere tenleg ved vurderinga av kor stort planområdet bør vere. Er det fastsett omsynssone etter plan- og bygningslova § 11-8, må kommunen etter plan- og bygningslova § 12-6 leggje arealdelen av kommuneplanen til grunn ved utarbeiding av reguleringsplanen. Det vil seie at kommunen ved utarbeidinga av reguleringsplan etter plan- og bygningslova § 12-5 første ledd må trekkje omsynssona inn i planen. Sjølve avgrensinga av området for fordeling vil gå fram av reguleringsplanen, og kan gjelde heile planområdet eller delar av det.

**Til nr. 23. Lov 26. mars 2010 nr. 9 om vergemål for umyndige (vergemålsloven) § 39 første ledd bokstav e**

I lov av 22. april 1927 nr. 3 om vergemål for umyndige § 50 andre ledd nr. 4 og 5, er brukt omgrepa «utskifting» og «grenseregulering», om tiltak som ei verje må ha løyve frå fylkesmannen for å kunne setje i verk på vegne av den umyndige. I vergemålslova av 26. mars 2010 nr. 9 § 39 bokstav e, er det òg brukt omgrepa «utskifting» og «grenseregulering». Departementet foreslår at den nye vergemålslova, får formuleringa «å kreve

sak etter jordskiftelova,» i § 39 bokstav e. Departementet meiner det ikkje skulle vere grunnlag for skilje mellom ulike sakstypar etter jordskiftelova, i høve til det som treng løyve frå fylkesmannen.

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova).

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

# til lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova)

### Kapittel 1. Formål, verkeområde, definisjonar, saksinnhald og sakstilknytning

#### I Formål, verkeområde og definisjonar

##### § 1-1 *Formålet med lova*

Formålet med lova er å leggje til rette for effektiv og rasjonell utnytting av fast eigedom og ressursar til beste for eigarane, rettshavarane og samfunnet. Dette skal skje ved at jordskifteretten bøter på utenlege eigedoms- og brukstilhøve, klarlegg og fastset grenser og rettar, og behandlar skjønn og andre avgjerder etter denne og andre lover.

Lova skal òg leggje til rette for rettferdig, forsvarleg, rask, effektiv og tillitsskapande behandling av sakene gjennom offentleg rettargang for uavhengige og upartiske jordskifterettar.

##### § 1-2 *Verkeområde for lova m.m.*

Lova gjeld for fast eigedom og rettar over fast eigedom, vassdrag og sjø i heile landet, om ikkje anna er fastsett i denne eller andre lover.

Kongen kan fastsetje at lova heilt eller delvis skal gjelde for Svalbard eller Jan Mayen, og kan da fastsetje særskilde tilpassingar etter tilhøva på staden.

Lova gjeld med dei avgrensingane som følger av folkeretten eller av avtale med framand stat.

##### § 1-3 *Definisjonar*

I denne lova tyder

- a) *jordskifteområdet* den geografiske avgrensinga av jordskiftet, jf. § 6-9 første ledd
- b) *tiltaksjordskifte* jordskifte som følgje av iverksetjing av offentlege og private tiltak, jf. § 3-2 første ledd andre punktum
- c) *vernejordskifte* jordskifte som følgje av offentleg regulering av eigarrådvelde, jf. § 3-2 første ledd tredje punktum

#### II Saksinnhald og sakstilknytning

##### § 1-4 *Kva det kan reisast sak om for jordskifteretten*

Jordskifteretten kan behandle krav om

- a) endring i eigedomstilhøve og rettar for å skape meir tenlege tilhøve, jf. kapittel 3

- b) fastsetjing av eigedomstilhøve og rettar, jf. § 4-1
- c) fastsetjing av grenser, jf. §§ 4-2 og 4-3
- d) skjønn og andre avgjerder etter andre lover, slik det går fram av kapittel 5 og av reglane i særlovene

##### § 1-5 *Kven som kan reise sak*

Krav om sak kan setjast fram av den som eig fast eigedom, eller har rett knytt til fast eigedom, eller av festar.

I område med reindrift etter reindriftsloven, kan distriktsstyret, jf. reindriftsloven § 43, siidastyret, jf. reindriftsloven § 52, og leiar av siidaandel, jf. reindriftsloven § 10, krevje jordskifte i dei høve som § 3-8 fjerde ledd og § 3-9 andre ledd nemner. Det same gjeld ved krav om rettsutgreiing etter § 4-1 og grensefastsetjing etter § 4-2.

Offentleg styresmakt og andre tiltakshavarar med heimel til å ekspropriere til tiltak og anlegg, kan krevje jordskifte etter kapittel 3.

Offentleg styresmakt med heimel til å regulere eigarrådvelde, kan krevje jordskifte etter kapittel 3 og grensefastsetjing etter § 4-2.

Retten til å krevje sak kan ein ikkje skrive frå seg.

### Kapittel 2. Jordskifterettane

#### I Organisering av jordskifterettane

##### § 2-1 *Jordskiftesokn (verneting)*

Kongen deler riket inn i jordskiftesokn for jordskifterettane.

##### § 2-2 *Tilhøvet til domstoloven*

Domstoloven gjeld for jordskifterettane om ikkje anna er fastsett, jf. domstoloven § 2 andre ledd.

##### § 2-3 *Bemanning*

Jordskifteretten skal ha ein jordskifterettsleiar som òg er jordskiftedommar, og så mange jordskiftedommarar som til kvar tid er bestemt.

Jordskifteretten skal ha teknisk personale. For teknisk personale gjeld reglane i kapittel 6 i domstoloven så langt dei høver. Domstoladmi-



nistrasjonen kan skipe ei eiga eining med faglege og tekniske støttefunksjonar for jordskifterettane. Eininga kan anten vere sjølvstendig eller vere knytt til ein domstol.

Jordskifteretten kan ha minst ein jordskiftedommarfullmektig som kan utføre oppgåver på vegner av jordskiftedommaren. Domstoladministrasjonen kan gi forskrift om kva for myndigheit dommarfullmektigen skal ha, og kven som kan gi slik myndigheit til dommarfullmektigen.

Domstolloven § 19 andre ledd gjeld ved tilkalling av jordskiftedommarar.

#### § 2-4 Utdanningskrav

Jordskiftelagdommarar, jordskiftedommarar og jordskiftedommarfullmektigar må ha jordskiftesfagleg utdanning på mastergradsnivå med fagkrins fastsett av departementet.

#### § 2-5 Utval av jordskiftemeddommarar

I kvart jordskiftesokn skal det vere eit særskilt utval av jordskiftemeddommarar. Medlemene i utvalet skal vere kunnige i saker som jordskifteretten i jordskiftesoknet til vanleg har. Jordskifterettsleiaren fastset kor mange jordskiftemeddommarar som skal utpeikast, slik at ein kan rekne med at kvart medlem kan gjere teneste i ei sak i valperioden.

Utvalet skal utpeikast etter reglane i domstolloven om val av meddommarar. Jordskifterettsleiaren fastset kor mange det skal vere i utvalet for kvar kommune. Alle kommunar i jordskiftesoknet skal peike ut minst éin medlem av kvart kjønn til utvalet, og alltid like mange av kvart kjønn. Lagrettemedlemmer, meddommarar og skjønnsmedlemmer er ikkje fritekne for val til utvalet av jordskiftemeddommarar.

## II Samansetjinga av jordskifteretten i ulike slags saker. Lovnad frå jordskiftemeddommar med meir

#### § 2-6 Samansetjinga av jordskifteretten

Jordskifteretten skal setjast med ein jordskiftedommar.

Dersom ein part krev det eller jordskiftedommaren meiner det trengst, skal retten setjast med to jordskiftemeddommarar.

I tiltaks- og vernejordskifte skal retten setjast med to jordskiftemeddommarar. Dersom ein part krev det eller jordskiftedommaren meiner det trengst, skal retten setjast med fire jordskiftemeddommarar.

I omfattande saker kan jordskifterettsleiaren fastsetje at ein eller to varajordskiftemeddommarar og ein varajordskiftedommar skal følgje

forhandlingane for å ta sete i jordskifteretten ved forfall.

Ei avgjerd om samansetjinga etter andre til fjerde ledd kan ikkje ankast.

#### § 2-7 Oppnemning av jordskiftemeddommarar

Utan omsyn til soknegrenser skal jordskiftedommaren nemne opp jordskiftemeddommarar og varajordskiftemeddommarar frå utvalet som er nemnt i § 2-5. Jordskiftedommaren skal nemne opp jordskiftemeddommarar som er kunnige i det saka i hovudsak gjeld. Er det nødvendig for å få jordskiftemeddommarar som er særleg kunnige på eitt eller fleire område, kan jordskiftedommaren nemne opp jordskiftemeddommarar som ikkje er med i utvalet.

Dersom ein oppnemnt jordskiftemeddommar ikkje møter eller ikkje kan gjere teneste, og heller ikkje nokon av dei oppnemnde varajordskiftemeddommarane kan møte innan rimeleg tid, kan jordskiftedommaren nemne opp ein annan jordskiftemeddommar for møtet. Ein slik jordskiftedommar treng ikkje høyre til utvalet.

#### § 2-8 Innprenting og lovnad

Første gong nokon gjer teneste som jordskiftemeddommar, skal jordskiftedommaren i rettsmøte gjere jordskiftemeddommaren kjend med dei pliktene ein jordskiftemeddommar har. Jordskiftemeddommaren skal love at han vil gjere pliktene sine samvitsfullt og etter beste overtving i denne saka, og i alle framtidige saker.

Domstoladministrasjonen fastsett ordlyden i lovnaden.

## Kapittel 3. Jordskifte

### I Utenleige eigedomstilhøve og bruk av verkemiddel i jordskifte

#### § 3-1 Verkemiddel for å bøte på utenleige eigedomstilhøve

Jordskifteretten kan bruke verkemidla i §§ 3-4 til 3-10 for å bøte på utenleige eigedomstilhøve slik det går fram av § 3-2. Ei jordskiftesak kan omfatte eitt eller fleire av desse verkemidla. Om jordskifteretten brukar verkemiddel etter §§ 3-4 til 3-10, kan han òg bruke verkemidla i §§ 3-11 og 3-12.

For jordskifte i bygdeallmenningar gjeld lov 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenningar § 1-4. For jordskifte i statsallmenningar gjeld lov 6. juni 1975 nr. 31 om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane § 16 og lov 19. juni 1992 nr. 60 om skogsdrift mv. i statsallmenningene § 4-2.

### § 3-2 *Utenleige eigedomstilhøve*

Jordskifteretten kan halde jordskifte etter §§ 3-4 til 3-10 dersom minst éin eigedom eller bruksrett i jordskifteområdet er vanskeleg å bruke på tenleg måte etter tida og tilhøva. Det same gjeld dersom det er grunn til å rekne med at minst éin eigedom eller bruksrett vil bli vanskeleg å bruke på tenleg måte som følgje av eit offentleg eller privat tiltak. Som offentleg tiltak skal òg reknast offentleg regulering av eigarrådvelde eller vedteken reguleringsplan med tilhøyrande omsynssone.

Jordskifteretten kan ikkje gjere andre endringar enn dei som er nødvendige for å bøte på dei utenleige eigedomstilhøva som partane har teke opp i jordskiftet.

### § 3-3 *Meir tenleige eigedomstilhøve i jordskifteområdet*

Jordskifteretten kan berre halde jordskifte etter §§ 3-4 til 3-10 for å skape meir tenleige eigedomstilhøve i jordskifteområdet.

## II Verkemiddel

### § 3-4 *Ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett*

Jordskifteretten kan forme ut eigedom og alltidvarande bruksrett på nytt. Bruksretten må ligge til fast eigedom.

Jordskifteretten kan påby at vassleidningar, damanlegg, kraftleidningar og liknande som står på grunn som går i byte etter første ledd, blir overførte til ny eigar. Det same gjeld bygningar.

### § 3-5 *Skiping av sameige*

Jordskifteretten kan skipe sameige mellom eigedommar dersom dette bøter på dei utenleige eigedomstilhøva på ein betre måte enn det å gi reglar om sambruk mellom eigedommar etter § 3-8 ville ha gjort.

### § 3-6 *Oppløysing av sameige og sambruk mellom eigedommar*

Jordskifteretten kan løyse opp sameige og sambruk mellom eigedommar. Oppløysinga kan vere delvis eller fullstendig.

### § 3-7 *Deling av eigedom*

Jordskifteretten kan dele og forme ut ein eigedom med tilhøyrande bruksrettar etter eit fastsett høvetal.

### § 3-8 *Reglar om sambruk (bruksordning)*

Jordskifteretten kan gi eller endre reglar for eksisterande sambruk mellom eigedommar. Jordskifteretten kan skipe sambruk og gi reglar om sambruk der det ikkje er sambruk frå før, dersom det er særlege grunnar for det. Jordskifteretten kan ordne tilhøva mellom eigar og bruksrettshavar og mellom bruksrettshavarar. Jordskifteretten kan mellom anna avgrense feltet for utøving av bruksrett, og gi reglar om bruksmåte.

Jordskifteretten kan både gi varige og mellombelse reglar.

Jordskifteretten kan gi reglar om sambruk av uteareala til eigarseksjonar. Første og andre ledd gjeld for skiping av sambruk i uteareala til eigarseksjonar.

Jordskifteretten kan gi reglar om bruken i det samiske reinbeiteområdet der det blir drive reindrift. Retten kan ikkje regulere tilhøva mellom dei som driv slik reindrift.

### § 3-9 *Pålegg om felles tiltak og pålegg om felles investeringar*

Jordskifteretten kan påleggje felles tiltak og påleggje felles investeringar i samband med bruk av eigedommar eller bruksrettar.

Jordskifteretten kan òg påleggje felles tiltak og felles investeringar mellom reindrifta og grunneigarar eller bruksrettshavarar.

### § 3-10 *Skiping av lag og fastsetjing av vedtekter. Driftsselskap*

Jordskifteretten kan skipe lag for drift eller vedlikehald når fleire skal bruke eigedom eller har bruksrett. Jordskifteretten kan òg endre eksisterande lag.

Jordskifteretten skal fastsetje vedtekter for lag han skipar. I eksisterande lag skal vedtektenene endrast i den mon endringar i bruksreglar eller endringar i laget tilseier det.

Tiltak som kan innebere stor risiko, kan berre gjennomførast av eit driftsselskap. Laget tek avgjerd om gjennomføring ved fleirtalsvedtak. Kvar av deltakarane har rett til å vere med i driftsselskapet så langt det svarar til høvetalet. Om nokon vil vere med som ikkje røysta for, skal det seiast frå så snart råd er og seinast tre veker etter at han har fått skriftleg melding om vedtaket med opplysing om denne fristen. Driftsselskapet skal svare vederlag for utnytingsretten til laget, som fordelar dette til deltakarane etter høvetalet deira.

Når partane er samde, kan andre tiltak enn nemnt i tredje ledd første punktum gjennomførast av eit driftsselskap. Tredje ledd tredje og femte punktum gjeld tilsvarende.

#### § 3-11 *Omskipling og avløyning av tidsavgrensa bruksrett og alltidvarande bruksrett som ikkje ligg til fast eigedom*

Jordskifteretten kan omskipe ein tidsavgrensa bruksrett eller ein alltidvarande bruksrett som ikkje ligg til fast eigedom, dersom bruksretten er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing. Fører ikkje omskipling fram, kan jordskifteretten avløyse bruksretten.

Første ledd gjeld ikkje for tomtefeste eller forpakting. Første ledd gjeld heller ikkje rett som samane har til å drive reindrift etter reindriftsloven.

#### § 3-12 *Avløyning av alltidvarande bruksrett som ligg til fast eigedom, og negativ servitutt*

Jordskifteretten kan avløyse ein alltidvarande bruksrett som ligg til fast eigedom, eller ein rett til å forby enkelte slag verksemd, bruk eller tilstand (negative servituttar) dersom dei er til hinder for ei tenleg jordskifteløysing.

### III Grunnlaget for jordskifteløysinga

#### § 3-13 *Eigedoms- og bruksrettstilhøva*

Jordskifteretten skal fastsetje eigedomsrettstilhøva og bruksrettstilhøva slik dei er.

Dersom partane er samde om heile eller delar av grunnlaget for jordskifteløysinga, kan jordskifteretten byggje på denne semja.

#### § 3-14 *Kva jordskifteretten skal verdsetje*

Jordskifteretten skal verdsetje det som går i byte ut frå pårekneleg bruk.

Fører jordskifteløysinga til at vederlag skal fastsetjast i pengar eller anna, skal jordskifteretten fastsetje vederlaget særskilt.

#### § 3-15 *Korleis jordskifteretten skal verdsetje*

Jordskifteretten skal verdsetje det som går i byte, ut frå pårekneleg bruk.

Ved verdsetjing av skog kan verdien av standskogen dragast inn i grunnlaget for jordskiftet.

### IV Jordskifteløysinga

#### § 3-16 *Avgrensing av jordskifteløysinga*

Jordskifteløysinga skal ikkje gå lenger enn nødvendig for å bøte på dei utenlege tilhøva som partane har teke opp i jordskiftet.

#### § 3-17 *Føresegner og løyve*

Jordskifteløysinga skal ikkje vere i strid med bindande offentlege føresegner om arealbruk.

Nødvendige offentlege løyve skal liggje føre når jordskifteretten tek avgjerd om den endelege jordskifteløysinga. Jordskifteretten kan søkje om dei løyva som trengst for å setje i verk jordskiftet.

#### § 3-18 *Vern mot tap*

Jordskifteløysinga skal ikkje føre til at kostnadene eller ulempene blir større enn nytten for nokon eigedom eller bruksrett.

#### § 3-19 *Korleis jordskifteretten legg ut grunn og bruksrett*

Jordskifteretten skal leggje ut grunn og bruksrettar etter §§ 3-20 til 3-26 på tenleg måte ut frå grunnlaget for jordskiftet.

Jordskifteretten skal med unntak av § 3-20 andre og tredje ledd, § 3-21, § 3-25 eller § 3-26 leggje ut grunn og bruksrettar i jordskifteområdet slik at kvar eigedom får att tilsvarende den verdien som eigdommen misser.

#### § 3-20 *Utlegging av grunn og bruksrett*

Jordskifteløysinga kan gå ut på å byte grunn mot grunn, bruksrett mot bruksrett, grunn mot bruksrett og bruksrett mot grunn.

Jordskifteløysinga kan gå ut på å byte grunn eller bruksrettar mot pengar eller andre verdier dersom det ikkje let seg gjere å leggje ut eigedommane eller bruksrettane etter første ledd.

Jordskifteretten kan bruke pengar for å kompensere for ulik opparbeidingsgrad.

#### § 3-21 *Vederlag ved overføring av anlegg til vassforsyning, kraftoverføring og liknande*

Når jordskifteretten med heimel i § 3-4 andre ledd påbyr overføring av anlegg eller bygningar, kan jordskifteløysinga vere eit pengevederlag eller vederlag i andre verdier.

#### § 3-22 *Utlegging av grunn til særskilde formål*

Dersom nokon part treng grunn til særskilde formål, kan han krevje dette utlagt av sin del.

#### § 3-23 *Utlegging av grunn og bruksrett som kan endre verdi*

Meiner jordskifteretten at grunn og bruksrett i jordskifteområdet kan få ei utnytting som gir stor verdiendring, bør grunn eller bruksrett ikkje skifte eigar utan at det trengst for eit tenleg jordskifte. Om grunn eller bruksrett skiftar

eigar, skal jordskifteretten sjå til at verdiendring som nemnt i første punktum, blir så lik som råd er før og etter jordskiftet.

#### § 3-24 *Leigeareal*

Har jordskiftet noko å seie for leigar eller ein annan som har liknande rett, skal jordskifteretten ordne høvet mellom han og eigaren om det trengst. Jordskifteretten bør ta omsyn til leigetilhøve i jordskifteområdet.

#### § 3-25 *Utjamning ved overføring av standskog*

Jordskifteretten fastset utjamningsmåten i samband med overføring av standskog. Hogst kan brukast som utjamningsmåte for standskog som står på areal som skiftar eigar, dersom trea eller flata er forsvarleg identifiserte.

#### § 3-26 *Vederlag ved avløyning av rettar*

Ved avløyning av bruksrett etter § 3-11 første ledd andre punktum eller § 3-12 skal rettshavaren til vanleg få grunn eller bruksrett i staden for den bruksretten som blir avløyst. Vederlaget kan vere pengar eller andre verdier dersom det er meir tenleg.

Ved avløyning etter § 3-11 første ledd andre punktum eller § 3-12 kan vederlaget ikkje setjast lågare enn det retten er verd for rettshavaren.

#### § 3-27 *Omsyn ved pålegg om felles investeringar etter § 3-9*

Ved vurderinga av kva for investeringar som kan påleggjast etter § 3-9, skal jordskifteretten leggje vekt på den framtidige utnyttinga av eigedommane og ta omsyn til dei økonomiske evnene partane har.

#### § 3-28 *Fordeling av kostnader*

Kostnader med investeringstiltak etter § 3-9 skal retten dele etter nytten kvar part har av tiltaket.

#### § 3-29 *Ansvar for gjeld*

Når jordskifteretten skipar lag etter § 3-10, svarar kvar av deltakarane i laget overfor tredjemand etter partshøvet i laget.

### V **Fordeling av planskapt netto verdiauke**

#### § 3-30 *Kompetansen jordskifteretten har*

Jordskifteretten kan fordele planskapt netto verdiauke mellom eigedommar som er omfatta av ein reguleringsplan. Fordelinga kan gjerast dersom planmyndigheita med heimel i plan- og bygningsloven § 12-7 nr. 13 i reguleringsplanen har gitt føresegn om at planskapt verdiauke skal

fordelast. Planmyndigheita må i reguleringsplanen ha fastsett den geografiske avgrensinga av området for fordeling.

#### § 3-31 *Korleis jordskifteretten skal verdsetje*

Jordskifteretten skal verdsetje samla planskapt netto verdiauke i området for fordeling. Jordskifteretten skal verdsetje dei delane som kvar part skal ha av verdiauken. Jordskifteretten skal verdsetje alle eigedommane ut frå eigenskapane dei har til utbyggingsformål og uavhengig av kva som går fram av reguleringsplanen.

#### § 3-32 *Korleis jordskifteretten skal fordele planskapt netto verdiauke*

Jordskifteretten skal fordele planskapt netto verdiauke slik at kvar eigar får den delen av den planskaptede netto verdiauken som følgjer av § 3-31 andre punktum.

Jordskifteretten skal ved fordeling etter første ledd, så langt råd er, tildele ein part utbyggingsrettar på eller inntil eigedommen parten har. Når ein part får tildelt ein utbyggingsrett som ikkje ligg på eigedommen parten har, følgjer eigedomsretten den tomte som utbyggingsretten gjeld.

Dersom planskapt netto verdiauke berre utgjer ein del av ein utbyggingsrett, har delhavararen med størst del av utbyggingsretten, rett til å krevje heile utbyggingsretten tildelt til seg. Dersom ingen av delhavarane krev utbyggingsretten tildelt til seg blir den tomte som utbyggingsretten gjeld, eit sameige mellom delhavarane. Tek ein delhavar over etter første punktum, skal andre delhavarar få oppgjør for planskapt netto verdiauke i pengar.

### VI **Fare for naturskade**

#### § 3-33 *Fare for elvebrot, skred, sandfok og liknande*

Der det er fare for elvebrot, skred, sandfok og liknande, skal jordskifteretten om det ikkje er mogleg å ta omsyn til det i sjølve jordskifteløysinga, fastsetje nødvendig førebyggingsarbeid eller andre tryggingstiltak og gi reglar om korleis kostnadene med arbeidet og vedlikehaldet skal delast. Er det ikkje teke omsyn til faren i jordskifteløysinga, skal jordskifteretten gi reglar for det tilfellet det blir skade, og først og fremst om korleis skaden skal delast.

Når det er gitt reglar etter første ledd, kan skadelidne krevje hjelp av jordskifteretten til å jamne ut skaden, om ikkje anna er fastsett og partane ikkje blir samde. For slike saker gjeld reglane i kapittel 6 så langt dei høver.

## VII Andre reglar om jordskifte

### § 3-34 Reglar for bruken av jordskifteområdet

Jordskifteretten kan fastsetje reglar for bruken av eigedommane i jordskifteområdet som skal gjelde frå det tidspunktet saka etter § 6-19 første ledd ikkje lenger kan trekkjast utan samtykke frå jordskifteretten, og fram til jordskiftet er gjennomført.

Den som må avstå frå bruk som følgje av avgjerd etter første ledd, har krav på vederlag. Jordskifteretten fastset vederlaget.

Dersom jordskifteretten har gitt reglar om bruk etter første ledd, skal dei som har nytte av avgjerda, bere kostnadene etter nytten.

### § 3-35 Skipping og oppmåling av nye matrikkeleiningar

Jordskifteretten kan skipe nye matrikkeleiningar og slå saman matrikkeleiningar etter matrikkellova § 10 femte ledd, og slå saman matrikkeleiningar i samsvar med matrikkellova § 18 og forskrifter gitt med heimel i matrikkellova.

Jordskifteretten skipar og måler opp nye matrikkeleiningar som inngår i sak for jordskifteretten, om ikkje jordskifteretten fastset noko anna. Reglane i matrikkellova gjeld så langt dei høver.

### § 3-36 Frist for iverksetjing av avgjerd

Jordskifteretten skal i samsvar med § 6-27 setje dei fristane som trengst for å setje i verk avgjerder etter kapitlet her.

### § 3-37 Sperretid for nytt jordskifte

Det som før har vore under jordskifte etter §§ 3-4 til 3-12 eller etter tidlegare jordskiftelov, kan ikkje takast opp til ny jordskiftebehandling for ti år etter at det førre jordskiftet var rettskraftig avgjort.

Det er òg ein frist på ti år for behandling av nytt krav der jordskifte er nekta fordi vilkåra i §§ 3-2, 3-18 eller 3-19 ikkje var oppfylte. Er vilkåra oppfylte på eit seinare tidspunkt, kan nytt krav om jordskifte takast opp til behandling utan omsyn til tiårsfristen.

Det som før har vore under jordskifte, kan utan hinder av fristen i første ledd, takast med i jordskifteområdet når jordskifteretten i ny jordskiftesak utvidar saka etter § 6-9 fjerde ledd.

Første ledd gjeld ikkje når for eksempel skred, elvebrot, anlegg av offentlege vegar og kjøp av tilleggsjord gjer at det ikkje lenger er naturleg å sjå området som tidlegare skifta.

## Kapittel 4. Rettsutgreiing og grensefastsetjing og anna

### § 4-1 Rettsutgreiing

Jordskifteretten kan fastsetje innhaldet i rettar og eigedomstil høve som eiga sak

- a) i sameige
- b) i område der det er sambruk mellom eigedommar eller uklart om det er sambruk
- c) ved registrering av uregistrert jordsameige
- d) i område med reindrift i det samiske reinbeiteområdet
- e) i område der det er sambruk av uteareala som ligg til eigarseksjonar

### § 4-2 Grensefastsetjing

Jordskifteretten kan fastsetje grenser for fast eigedom og rettar som eiga sak, mellom anna grenser for

- a) grunneigedom, jf. matrikkellova § 5 første ledd bokstav a
- b) anleggseigedom, jf. matrikkellova § 5 første ledd bokstav b
- c) uteareal som inngår i eigarseksjon, jf. matrikkellova § 4 første ledd siste punktum
- d) jordsameige, jf. matrikkellova § 5 første ledd bokstav d
- e) festegrund, jf. matrikkellova § 5 første ledd bokstav e
- f) offentlig regulering av eigarrådvelde
- g) samisk reinbeite.

Jordskifteretten skal merkje og koordinatfeste grenser etter § 6-29.

### § 4-3 Andre reglar om grensefastsetjing

Jordskifteretten kan i sak etter § 4-2 ta avgjerd om gjerdehald for den grensestrekninga som er til behandling. Når retten tek ei slik avgjerd, gjeld § 3-34 så langt det høver.

Jordskifteretten kan justere grenser etter matrikkellova § 16.

For fastsetjing av grenser for bygdeallmenning eller statsallmenning, gjeld lov 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenninger § 1-4 og lov 19. juni 1992 nr. 60 om skogsdrift m.v. i statsallmenningene § 4-2.

Jordskifteretten kan fastsetje slike grenser som er nemnde i lov 15. mars 1940 nr. 3 om vassdragene §§ 2, 3 og 4.

Jordskifteretten set i verk grensemerking i terrenget, koordinatfesting og kartlegging etter finnmarksloven § 45.

Dersom avgjerd etter første til fjerde ledd eller §§ 4-1 og 4-2 fører til at det må registrerast eit nytt jordsameige, eller til at umatrikulert

grunneigedom eller festegrund skal matrikulert, gjeld § 3-35.

#### § 4-4 *Twist om underliggjande rettshøve*

Dersom det i sak om rettsutgreiing eller grensefastsetjing er twist om grenser, eigedomsrett, bruksrett eller anna, skal jordskifteretten etter krav frå ein part, avgjere twisten når det trengst for å avgjere saka.

### **Kapittel 5. Skjønn og andre avgjerder etter andre lover**

#### § 5-1 *Skjønn i samband med tiltaksjordskifte og vernejordskifte*

Jordskifteretten held skjønn i samband med tiltaksjordskifte og vernejordskifte. Dette gjeld ikkje slike jordskifte i vassdrag.

#### § 5-2 *Skjønn i samband med jordskifte som følge av tiltak fastsett av jordskifteretten i vassdrag*

Jordskifteretten held skjønn til fastsetjing av erstatninga eigedommar utanfor skiftefeltet skal ha som følge av tiltak etter § 3-9.

#### § 5-3 *Skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifteretten*

Jordskifteretten held skjønn og tek andre avgjerder i samband med sak for jordskifteretten etter

- a) lov 14. juni 1912 nr. 1 om anlæg av taugbaner og løipestrenger mv. § 8 når det er nødvendig av omsyn til jordskiftet
- b) lov 5. mai 1961 om grannegjerde
- c) lov 16. juni 1961 nr. 12 om ymse beitespørsmål §§ 7, 9 og 14
- d) lov 21. juni 1963 nr. 23 om vegar kapittel VII
- e) lov 29. november 1968 um særlege råderettar over framand eigedom
- f) lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann § 31 tredje ledd bokstav c
- g) lov 15. juni 2007 nr. 40 om reindrift

#### § 5-4 *Skjønn og andre avgjerder etter andre lover som eiga sak*

Jordskifteretten held skjønn og tek andre avgjerder som eiga sak etter dei lovene som er nemnde i § 5-3. Første punktum gjeld ikkje sak etter lov 14. juni 1912 nr. 1 om anlæg av taugbaner og løipestrenger mv. § 8.

#### § 5-5 *Avtaleskjønn som eiga sak*

Jordskifteretten kan òg halde skjønn i andre tilfelle enn dei som er nemnde i §§ 5-1 til 5-4, dersom partane er samde om det.

#### § 5-6 *Skjønn og andre avgjerder i samband med sak for jordskifteretten skilt ut som eiga sak*

Jordskifteretten kan bestemme at skjønn og andre avgjerder etter §§ 5-1 til 5-3, skal behandlast som eiga sak. Første punktum gjeld ikkje sak etter lov 14. juni 1912 nr. 1 om anlæg av taugbaner og løipestrenger mv. § 8.

#### § 5-7 *Behandlinga av saker etter kapittel 5*

Kapitla 1, 2, 6 og 8 gjeld så langt dei høver for skjønn og andre avgjerder som jordskifteretten held eller tek etter §§ 5-1 til 5-3. I tillegg gjeld § 7-1 andre ledd og § 7-10. Reglane for rettslege skjønn i lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker gjeld så langt kapittel 1, 2, 6 og 8 ikkje har reglar om behandlinga. I tillegg gjeld reglane i dei lovene som er nemnde i § 5-3, for behandlinga.

Avgjerder som jordskifteretten tek som eiga sak etter §§ 5-4 til 5-6, følgjer reglane for rettsleg skjønn i lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker. I tillegg gjeld reglane i dei lovene som er nemnde i § 5-3, for behandlinga.

#### § 5-8 *Twist*

Jordskifteretten avgjer under forretninga twist om retten til og vilkåra for å fremje skjønn eller andre saker etter kapittel 5, og twist om kva som skal vere emne for skjønn eller anna avgjerd.

Jordskifteretten avgjer under forretninga twist om retten til og vilkåra for ekspropriasjon og twist om kva som skal eksproprierast.

Dersom det i skjønn etter § 5-1 første punktum er twist om eit underliggjande rettshøve om grenser, eigedomsrett eller anna innan jordskifteområdet og som det er nødvendig å ta stilling til for at saka skal kunne avgjerast, skal jordskifteretten etter krav frå ein part, avgjere dette. Jordskifteretten kan som del av skjønn i samband med vernejordskifte etter § 5-1 første punktum, avgjere om det skal ytast erstatning for den råderettsavgrensinga som følgjer av den offentlege reguleringa av eigarrådvelde.

### **Kapittel 6. Reglar om saksbehandling**

#### **I Tilhøvet til twisteloven og lov om skjønn og ekspropriasjonssaker**

#### § 6-1 *Saksbehandlinga og tilhøvet til twisteloven og lov om skjønn og ekspropriasjonssaker*

Reglane om saksbehandling i dette kapitlet gjeld for jordskiftesak etter kapittel 3, rettsut-

greiing og grensefastsetjing etter kapittel 4, og skjønn og andre avgjerder etter §§ 5-1 og 5-3 i samband med sak for jordskifteretten.

Desse delane, kapitla og paragrafane i tvisteloven gjeld slik det går fram av paragrafane i lova her, og elles så langt dei høver

- a) Kapittel 2. Parter, prosessdyktighet og stedfortredere
- b) Kapittel 3. Prosessfullmektiger og rettslige medhjelpere
- c) Kapittel 8. Mekling og rettsmekling i de alminnelige domstoler
- d) § 9-6 Uttalelser, innsigelser og avgjørelser om saksbehandlingen, første og andre ledd, tredje ledd første og andre punktum, og fjerde ledd, § 9-10 Avsluttet saksforberedelse. Sluttinnlegg, § 9-13 Stylingen av hovedforhandlingen, § 9-14 Muntlig hovedforhandling, § 9-15 De enkelte ledd i hovedforhandlingen, § 9-16 Endring i krav, påstand, påstandsgrunnlag og bevis og § 9-17 Saken tas opp til doms. Fortsatte forhandlinger
- e) § 10-5 Sakskostnader; første og andre ledd
- f) Kapittel 11. Grunnlaget for rettens avgjørelser, veiledning og saksstyring
- g) § 12-1 Generelt om prosesskriv, første til tredje ledd
- h) § 13-1 Rettsmøter og fjernmøter; andre og tredje ledd, § 13-3 Innkalling av vitner og sakkyndige til rettsmøter og § 13-4 Gyldig fravær, Kapittel 13 II Rettsbøker
- i) Kapittel 14. Offentlighet og innsynsrett
- j) § 15-2 Flere parter som saksøkere eller saksøkte, første ledd bokstav b, § 15-6 Forening av saker til felles behandling, § 15-7 Parts-hjelp, § 15-8 Skriftlige innlegg til belysning av allmenne interesser
- k) Kapittel 16. Styling av sakens fremdrift. Spesielle virkemidler, I Oppdeling, II Omberamelse og utsettelse, og III Forsømmelser og fravær, og § 16-18 Stansing i andre tilfeller
- l) Kapittel 17. Verdifastsetting
- m) § 18-1 Saksanlegg som hinder for ny sak (litispens), § 18-2 Når hinder for ny sak inntre og opphører
- n) Kapittel 19. Rettslige avgjørelser og rettsforlik
- o) Kapittel 20. Sakskostnader
- p) Femte del – Bevis (Kapitla 21 til 28)
- q) Sjettede del – Rettsmidler (Kapitla 29 – 31).

Lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker gjeld for behandlinga av skjønn

og andre avgjerder som eiga sak etter §§ 5-4 til 5-6, jf. § 5-7 andre ledd.

## II Førebuing av saka

### § 6-2 Krav om sak

Sak kan reisast ved skriftleg krav til jordskifteretten. Saka kan reisast munnleg og kravet kan setjast opp som prosesskriv i samsvar med tvisteloven § 12-1 andre ledd. Kravet skal vere underskrive.

Så langt råd er skal det nemnast i kravet

- a) kva eigedommar saka gjeld
- b) namnet og adressa til partane, representantane og prosessfullmektigane
- c) om det trengst meddommarar, og om dei bør ha særskild kunnskap jf. § 2-7
- d) kva parten vil oppnå med kravet
- e) kva bevis som vil bli førte, og annan dokumentasjon.

Kravet skal utformast slik at det gir grunnlag for ei forsvarleg behandling av saka. Innhaldet i kravet må vere slik at dei andre partane kan ta stilling til kravet, og førebu saka. Kravet skal dessutan gi retten grunnlag for å vurdere om han kan behandle saka. Kravet skal om mogleg vise det geografiske området det gjeld på eit kart. Gjeld kravet jordskifte etter kapittel 3, skal det gå fram av kravet kva for utenlege eigedomstil høve ein krev at retten skal bøte på.

### § 6-3 Kvar krav om sak skal setjast fram (verneting)

Krav om sak skal setjast fram for jordskifteretten i det jordskiftesoknet der eigedommen ligg. Dersom eigedommen ligg i fleire sokn eller det er uvisst i kva for eit sokn eigedommen ligg, kan kravet setjast fram for ein jordskifterett i eit av sokna.

Dersom det er sett fram krav for ein rett som ikkje har domsmakt på staden der eigedommen ligg, skal retten overføre saka til ein jordskifterett med slik domsmakt. Har fleire rettar domsmakt på staden, kan den som set fram kravet, velje jordskifterett.

For overføring av ei sak til ein annan jordskifterett etter søknad frå ein part eller etter tiltak frå retten sjølv gjeld domstolloven § 38.

### § 6-4 Avgjerd om vilkåra for å reise sak er til stades

Når kravet kjem inn til jordskifteretten, skal retten undersøkje om vilkåra for å behandle saka er til stades.

Har kravet manglar som kan bøtast på, skal retten gi rettleiing og setje frist for retting etter § 6-16.

Avgjerd om vilkåra for sak er til stades eller ikkje, skal jordskifteretten ta så snart det er grunnlag for det.

Jordskifteretten skal føre inn i rettsboka at behandlinga av ei jordskiftesak har teke til.

#### § 6-5 *Merknader til kravet*

Jordskifteretten skal forkynne kravet for dei andre partane og be dei komme med sitt syn. Partane bør seie si meining om kravet, og gi dei opplysingane dei har. Dei bør nemne dei bevisa som vil bli førte, og vise til den dokumentasjonen dei byggjer på. Merknadene treng ikkje gå lenger enn det som er nødvendig for å gi eit tilstrekkeleg grunnlag for den vidare saksførebuinga.

Dersom nokon av partane vil ha meddommarar i det første rettsmøtet i saka, må merknadene innehalde krav om det.

Til vanleg skal merknadene vere skriftlege, men munnlege merknader kan setjast opp skriftleg av retten i samsvar med tvisteloven § 12-1 andre ledd.

Frist for merknader skal normalt ikkje vere kortare enn tre veker.

#### § 6-6 *Aktiv saksstyring og planlegging*

Jordskifteretten skal aktivt og planmessig styre saksførebuinga og saka for å oppnå rask, prosessøkonomisk og forsvarleg behandling. Tvisteloven § 11-6 gjeld så langt han høver for plikta jordskifteretten har til å styre saka aktivt.

Etter drøfting med partane skal retten lage ein plan for behandlinga av saka. Planen skal gi retten og partane oversikt over saksgangen, når viktige avgjerder i saka må takast, og når retten ser for seg at saka kan avsluttast. Retten skal halde partane orienterte om eventuelle endringar i planen.

#### § 6-7 *Saksførebuaende rettsmøte*

Jordskifteretten kan kalle partane inn til saksførebuaende rettsmøte på alle steg i saka. Slike rettsmøte kan vere fjernmøte, jf. tvisteloven § 13-1 andre og tredje ledd.

Saksførebuaende rettsmøte kan setjast med jordskiftedommararen som einedommar.

#### § 6-8 *Merknader til avgjerder om saksbehandlinga*

Partane skal få høve til å uttale seg om tilhøve som har noko å seie for avgjerder om saksbehandlinga. Ein part må setje fram motsegner mot prosesshandlingar så snart han kan.

Elles gjeld tvisteloven § 9-6 så langt han høver for retten partane har til å uttale seg og

setje fram motsegner, og for avgjerdene jordskifteretten tek om saksbehandlinga. Tvisteloven § 9-6 tredje ledd siste punktum gjeld likevel ikkje.

#### § 6-9 *Sakleg og geografisk avgrensing av saka*

Jordskifteretten skal gjere ei sakleg og geografisk avgrensing av saka i samsvar med det eller dei krava som reisast, og som partane har fått ytre seg om.

Retten kan setje ein frist for partane til å fremje krav om den saklege eller geografiske avgrensinga av saka. Krav som er sette fram etter denne fristen, skal avvisast dersom retten ikkje finn gode grunnar for krava. Det skal mellom anna takast omsyn til kva dei andre partane meiner om krava, og om saka vil bli mykje forseinka.

Retten skal ta avgjerd om avgrensinga så snart det er grunnlag for det.

Om retten meiner det må til for å bøte på dei utenlege eigedomstilhøva i eit jordskifteområde, kan han av eige tiltak gå utanom den geografiske avgrensinga i dei krava som er reiste, og ta med attverande delar av dei eigedommane som jordskiftet gjeld. Jordskifteområdet kan likevel ikkje utvidast meir enn det som trengst for å få løyst saka slik ho er sakleg avgrensa etter dei krava som er reiste.

### III **Rettsmøte**

#### § 6-10 *Innkalling til rettsmøte*

Jordskifteretten fastset når saka skal behandlast. Retten skal forkynne innkalling til det første ordinære rettsmøtet for alle saka vedkjem. Namna til medlemmene av retten skal stå i innkallinga. Innkallingsfristen skal vere minst to veker.

Til dei andre rettsmøta skal retten forkynne innkalling for partar som er pålagde å møte personleg, og forkynne når det skal reknast som fråvær i saka om parten ikkje møter. Elles skal partane få slikt varsel som retten finn høveleg.

Partar med advokat som prosessfullmektig skal kallast inn ved advokaten. Parten skal varslast med kopi av innkallinga. Har jordskifteretten pålagt ein part plikt til å møte personleg, skal innkallinga forkynnast for parten personleg sjølv om han har advokat.

Er det uklart kven som er eigar eller som har ein rett, eller meiner jordskifteretten det trengst av andre grunnar, kan det kallast inn med kunnjing i eitt eller fleire lokalblad og med oppslag. Det skal gå minst seks veker frå



kunngjeringa til jordskifteretten held rettsmøtet.

Twisteloven § 13-3 gjeld for innkalling av vitne og sakkunnige til rettsmøte.

#### § 6-11 Møte- og forklaringsplikt

Partar, vitne og sakkunnige som blir kalla inn i samsvar med § 6-10, har plikt til å møte og gi forklaring etter nærare reglar i § 6-15.

Twisteloven § 13-4 gjeld for spørsmålet om gyldig fråvær frå rettsmøte. Ved fråvær ved behandling av tvist, gjeld tvisteloven § 16-10.

#### § 6-12 Saksbehandlinga i rettsmøte

Jordskifteretten skal sørgje for at forhandlingane i rettsmøte går føre seg på tenleg måte. Forhandlingane skal skje konsentrert og forsvarleg utan tidsspill for retten, partane, vitne og sakkunnige. Rettsmøte kan haldast som fjernmøte etter tvisteloven § 13-1 andre og tredje ledd.

Forhandlingane i rettsmøte er munnlege, og bevisa skal førast direkte for retten.

For saksbehandlinga gjeld elles reglane om hovudforhandlinga i tvisteloven §§ 9-13 til 9-17 så langt dei høver ved behandlinga av tvist om grenser, eigedomsrett, rettar og anna.

#### § 6-13 Rettsbok

Jordskifteretten skal føre rettsbok i rettsmøte. Reglane i tvisteloven kapittel 13 II Rettsbøker gjeld så langt dei høver.

Partane skal ha tilgang til rettsboka.

### IV Generelle reglar

#### § 6-14 Grunnlaget for avgjerdene

Jordskifteretten skal ta avgjerdene sine på grunnlag av behandlinga i rettsmøte, dokumenta i saka, andre bevis og merknader frå partane etter §§ 6-21 og 6-22.

Retten kan ikkje byggje avgjerdene på faktiske tilhøve partane ikkje har hatt oppmoding til å gi merknader om. Dersom retten likevel vil gjere dette, må retten gi partane rettleiing etter § 6-16, og om nødvendig fortsetje behandlinga etter tvisteloven § 9-17 andre ledd, for å få eit forsvarleg avgjerdsgrunnlag.

#### § 6-15 Bevis

Partane skal sørgje for at saka blir rett og fullstendig opplyst. Dei skal greie ut om saka og tilby dei bevisa dei har. Dei har plikt til å gi forklaringar og bevistilgang.

Kvar part skal òg opplyse om viktige bevis som parten ikkje har hand om, og som parten

ikkje har grunn til å rekne med at andre partar er kjende med.

Pliktene etter første og andre ledd gjeld anten beviset er til støtte for parten sjølv eller for dei andre partane.

Jordskifteretten kan sørgje for bevisføring om ikkje partane set seg i mot det. Retten er ikkje bunden av argumentasjonen partane har om bevis.

Retten kan nytte sakkunnig hjelp i særskilde spørsmål når han meiner det trengst.

Reglane i tvisteloven Femte del – Bevis (kapittel 21 til 28) gjeld så langt dei høver for bevisføringa i jordskifteretten.

#### § 6-16 Rettleiing og retting

Jordskifteretten skal rettleie partane om reglar og rutinar for saksbehandlinga og andre formelle tilhøve som dei må kjenne til for å ta vare på interessene sine i saka. Retten skal søkje å førebyggje feil og skal gi rettleiing slik at feil kan rettast.

Retten skal gi rettleiing til partane slik at saka kan få ei rett avgjerd ut frå dei faktiske tilhøva og dei aktuelle reglane.

Retten skal ta særleg omsyn til det behovet som partar utan prosessfullmektig har for rettleiing.

Retten må gi rettleiinga på ein måte som ikkje svekkjer tilliten til at han er upartisk. Retten kan ikkje gi partane råd om standpunkt i tvistes spørsmål, eller om kva prosesshandlingar dei bør setje i verk.

Elles gjeld tvisteloven § 11-5 for rettleiing av partane.

Twisteloven § 16-5 gjeld for retting av feil. Retten kan mellom anna setje frist for retting.

#### § 6-17 Minneleg løysing av saker for jordskifteretten

Jordskifteretten skal på eit kvart steg i saka vurdere om mekling kan føre til minneleg løysing.

Mekling skal skje ved at retten i rettsmøte eller gjennom annan kontakt med partane søkjer å leggje grunnlaget for ei minneleg løysing. Under meklinga skal retten ikkje halde møter med kvar part for seg eller ta imot opplysningar som ikkje kan gjerast kjende for alle partar. Retten kan ikkje komme med løysingsforslag, råd eller synspunkt som kan svekkje tilliten til at retten er upartisk.

#### § 6-18 Rettsmekling

Twisteloven kapittel 8 II Rettsmekling gjeld så langt det høver for rettsmekling i tvist om

grenser, eigedomsrett, rettar og anna for jordskifterettane.

Blir partane samde, kan resultatet av meklinga fastsetjast ved rettsforlik etter § 6-26.

Teknisk personale som nemnt i § 2-3 andre ledd første punktum kan vere rettsmeklarar. Dersom meklinga ikkje fører fram, kan teknisk personale likevel delta i det vidare tekniske arbeidet med saka, om ikkje partane krev at nytt personale tek over dette arbeidet.

Retten skal merkje, koordinatfeste, rapportere og tinglyse resultatet av rettsmeklinga etter §§ 6-29, 6-30 og 6-31.

#### § 6-19 *Trekking av krav*

Når det er ført inn i rettsboka at behandlinga av eit jordskifte har teke til, kan rekvirenten berre trekkje krav om jordskifte dersom retten samtykkjer.

Krav om grensefastsetjing og rettsutgreiing kan trekkjast fram til retten tek avgjerd ved dom etter § 6-23. Tvisteloven § 18-4 gjeld ikkje.

#### § 6-20 *Delvis avslutting av sakene*

Retten kan avslutte delar av sak. Kvar del som blir avslutta for seg, skal reknast som ei eiga sak med omsyn til fullføring, overprøving og ny behandling.

### V Forslag til jordskifteavgjerd og fastsetjing av grenser, rettar og anna

#### § 6-21 *Forslag til jordskifteavgjerd*

Jordskifteretten skal utarbeide forslag til jordskifteavgjerd, og forslaget skal leggjast skriftleg fram for partane.

Før forslaget blir utarbeidd, skal retten gi partane høve til å uttale seg. Partane skal òg få høve til å uttale seg om dei merknadene til forslaget som kjem inn.

Fristen for å uttale seg skal normalt ikkje vere kortare enn to veker.

Forslaget skal behandlast i rettsmøte. Dersom jordskifteretten meiner det held, og ingen av partane set seg imot det, kan forslaget behandlast skriftleg.

#### § 6-22 *Forslag til fastsetjing av grenser, rettar og anna*

Dersom det ikkje er tvist mellom partane, skal jordskifteretten utarbeide forslag til fastsetjing av grenser, eigedomsrett, rettar eller anna, og forslaget skal leggjast skriftleg fram for partane.

Før forslaget blir utarbeidd, skal retten gi partane høve til å uttale seg. Partane skal òg få

uttale seg om dei merknadene til forslaget som kjem inn.

Forslaget skal byggje på det partane er samde om.

Forslaget skal forkynnast for partane.

Fristen for å uttale seg skal normalt ikkje vere kortare enn to veker.

Forslaget skal behandlast skriftleg, om ikkje retten eller nokon av partane meiner det er nødvendig med behandling i rettsmøte.

### VI Rettslege avgjerder og rettsforlik

#### § 6-23 *Avgjerdsformer*

Ved dom tek jordskifteretten avgjerd om grenser, eigedomsrett, rettar og anna.

Ved orskurd tek retten avgjerd

- a) når ei sak skal avisast fordi formelle vilkår for å ta opp saka ikkje er oppfylte
- b) når ei sak av andre grunnar blir avslutta utan realitetsavgjerd
- c) ved tvist om bevis
- d) når det er fastsett i lov at retten skal bruke orskurd.

Avgjerd om saksbehandlinga skal treffast som vedtak når det ikkje i lov er fastsett at avgjerda skal vere ordsurd.

Ved jordskifteavgjerd tek retten avgjerd om

- a) vilkåra for jordskifte i §§ 3-2, 3-3 og 3-18 er oppfylte eller ikkje
- b) sakleg og geografisk avgrensing av saka, verdsetjing av det som skal gå i byte i jordskiftet, val av trasé for vegar og anna undervegs i saka
- c) utsett merking og måling
- d) skjønn og andre avgjerder etter andre lover etter kapittel 5 i samband med sak for jordskifteretten
- e) reglar som etter § 3-34 skal gjelde for ei viss tid
- f) fordeling av planskapt netto verdiauke etter § 3-30
- g) sakskostnader etter § 7-6
- h) den endelege jordskifteløysinga.

Om ei avgjerd er teken i feil form, har det ingenting å seie for rettsverknadene eller for prøving av avgjerda. Ved bruk av rettsmiddel etter kapittel 8 skal ein følgje reglane for den avgjerda som retten skulle ha brukt.

#### § 6-24 *Innhaldet i avgjerdene*

I avgjerdene skal dette nemnast: namnet på domstolen, medlemmene av retten, partane, saksnummeret, kva for avgjerd som er teken, og tid og stad for avseiinga av avgjerda.

Avgjerdene skal vere skriftlege og under-skrivne av medlemmene av retten.

Når det er meir enn ein dommar i ei sak, skal det gå fram om avgjerda er samrøystes. Ved dissens skal det gå fram kva dissensen gjeld, og kven som har dissentert.

Dom og orskurd skal grunnvist i samsvar med tvisteloven § 19-6 fjerde ledd.

Jordskifteavgjerder skal ha ei grunniving som inneheld

- a) heimelen for avgjerda
- b) ei framstilling av kva avgjerda gjeld
- c) ei framstilling av dei tilhøva som har hatt mest å seie for avgjerda
- d) eventuelle påstandar frå partane, med påstandsgrunnlag
- e) dei vurderingane retten har lagt til grunn for avgjerda.

Jordskifteavgjerder skal ha ei slutning som nøyaktig viser kva avgjerda går ut på. Jordskifteavgjerd med endeleg jordskifteløysing, skal ha ei slutning som inneheld alt som må til for å setje i verk dei endringane som ligg i jordskifteløysinga.

Avgjerdene skal innehalde fordeling av kostnadene etter reglane i kapittel 7, så fram retten ikkje meiner at kostnadene skal fordelast i ei anna avgjerd seinare i saka.

#### § 6-25 *Avseiing av avgjerd. Melding om avgjerd*

For avseiing av avgjerder etter § 6-23 gjeld tvisteloven § 19-4. Jordskifteavgjerd undervegs i saka kan likevel omgjerast fram til saka avsluttast, når særlege grunnar gjer at avgjerda ikkje kan bli ståande.

Partane skal få melding om avgjerder under saksgangen. Avgjerder som setjast til påanking, skal forkynnast. Elles gjeld tvisteloven § 19-5 så langt det høver for melding om avgjerder.

#### § 6-26 *Rettsforlik*

Partane kan berre gjere rettsforlik for jordskifteretten i slike spørsmål som retten elles kan avgjere ved dom etter § 6-23 første ledd.

Eit rettsforlik skal førast i rettsboka. Partane og jordskifteretten skal skrive under på rettsforliket.

Retten ser til at forliket nøyaktig viser det partane er samde om. Skal forliket kunne fullbyrdast må retten fastsetje ein oppfyllingsfrist. Før partane gjer forlik skal dei orienterast om verknaden av rettsforlik, jf. tvisteloven § 19-11 tredje ledd.

Dersom rettsforliket ikkje seier noko om fordeling av sakskostnader, skal retten avgjere fordelinga når partane krev det.

Elles gjeld reglane i tvisteloven §§ 19-11 og 19-12 så langt dei høver.

#### § 6-27 *Frist for iverksetjing av endeleg jordskifteløysing*

Endeleg jordskifteløysing etter § 6-23 fjerde ledd bokstav h skal innehalde frist for overgang til nye eigedomstil høve og andre fristar som trengst for å setje i verk endringane i jordskiftet. Utan samtykke frå alle som endringane gjeld, må det ikkje setjast kortare frist enn ein månad rekna frå forkynninga. Fristen skal ikkje vere lengre enn det som trengst for å setje i verk ei avgjerd. Berre i særlege tilfelle kan ein frist setjast til meir enn fem år. Ein frist kan aldri vere lengre enn ti år.

Etter søknad kan jordskifteretten gi utsetjing med å gjennomføre tiltak dersom det blir bevist at det er uråd å gjennomføre tiltaket til fastsett tid, og vedkommande ikkje er skuld i eller rår for det. Om utsetjinga vil vere til skade for nokon av dei andre partane, skal jordskifteretten fastsetje vederlag for skaden.

Jordskifteretten kan etter søknad forlengje fristar for gjennomføring av felles tiltak, sjølv om vilkåra i andre ledd første punktum ikkje er oppfylte.

#### § 6-28 *Tvangskraft og rettskraft*

For rettskraft og fullbyrding av avgjerdene jordskifteretten tek gjeld reglane i tvisteloven §§ 19-13 til 19-16 så langt dei høver.

#### § 6-29 *Merking og koordinatfesting av grenser*

Jordskifteretten skal så langt råd er merkje og koordinatfeste grenser som blir fastsette i jordskifte. Det same gjeld for grenser som er fastsette ved dom.

Retten kan utsetje varig merking til saka er avslutta og alle avgjerder har fått rettskraft, dersom retten meiner at særlege grunnar talar for det. Retten fastset korleis kostnadene med det endelege grensearbeidet skal dekkjast.

Departementet kan gi forskrift om utforming av grensemerke.

### VII Rapportering og tinglysing

#### § 6-30 *Rapportering til matrikkelmyndigheita*

Jordskifteretten skal rapportere til matrikkelmyndigheita om at det er sett fram krav om sak, og om resultatet av saka.

### § 6-31 Tinglysing

Så snart alle avgjerder har fått rettskraft, skal jordskiftedommaren sørgje for at eit utdrag av rettsboka blir tinglyst. Alt av varig verdi skal vere med i utdraget.

Før saka er rettskraftig avgjort og om jordskiftedommaren finn grunn til det, kan melding om reglar i medhald av § 3-34, avgjerd etter § 8-2 tredje ledd og avgjerd om anna som gjeld rettshøva i jordskifteområdet, tinglysast på dei eigedommane det gjeld. Det same gjeld når eit avslutta jordskifte ikkje får rettskraft på grunn av anke.

## Kapittel 7. Sakskostnader og gebyr

### I Sakskostnader

#### § 7-1 Sakskostnader

For sak etter kapittel 3 og 4 skal partane betale

- a) gebyr etter §§ 7-2 til 7-5
- b) godtgjering til jordskiftedommaren etter domstolloven § 105 a
- c) kostnader til grensemerke
- d) godtgjering til ekstrahjelp til verdsetjing etter § 3-14 og til måling og merking av grenser etter §§ 4-2 og 6-29
- e) godtgjering til rettstolkar og til sakkunnige oppnemnd av retten etter lov 21. juli 1916 nr. 2 om vidners og sakkyndiges godtgjørelse
- f) kostnader til utskrifter eller kopiar av tinglyste dokument eller dokument frå statsarkivet som jordskifteretten hentar inn på vegner av partane
- g) sideutgifter etter rettsgebyrloven § 2 andre ledd.

For skjønn og andre avgjerder i samband med jordskifte gjeld reglane om sakskostnader i lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker.

Lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr gjeld slik det går fram av lova her, eller så langt ho høver.

### II Gebyr

#### § 7-2 Inngangsgebyr

Den som krev sak skal betale fem gonger rettsgebyret for krav om sak etter kapittel 3 eller 4. Det same gjeld for krav om utviding av sak etter at jordskifteretten har avgrensa saka sakleg og geografisk, jf. § 6-9.

Dersom kravet blir avvist eller trekt før realitetsbehandling, skal inngangsgebyret setjast ned til to gonger rettsgebyret.

#### § 7-3 Grenselengdegebyr

Partane skal betale gebyr for merking og koordinatfesting av nye grenser og for koordinatfesting av eksisterande grenser. Departementet fastset gebyra ved forskrift.

#### § 7-4 Partsgebyr

Partane skal betale to gonger rettsgebyret for kvar part i sak etter kapittel 3 og 4.

#### § 7-5 Samla gebyr og arbeidstid

Jordskifteretten kan endre dei samla gebyra etter §§ 7-2 til 7-4 dersom arbeidstida i sak etter kapittel 3 og 4 avvik nemnande frå det vanlege.

### III Fordeling av sakskostnader

#### § 7-6 Fordeling av sakskostnader

I saker etter kapittel 3 og 4 deler jordskifteretten sakskostnadene mellom partane etter den nytten dei har av saka, med dei unntaka som går fram av andre og tredje ledd og § 7-7.

Tiltakshavar skal betale sakskostnadene i tiltaksjordskifte. I vernejordskifte skal vernemyndigheita betale sakskostnadene. Jordskifteretten kan leggje sakskostnader på partar som får netto nytte.

Vernemyndigheita skal betale sakskostnadene i grensefastsetjing etter § 4-2 første ledd bokstav f.

#### § 7-7 Sakskostnader som følgje av trekking av sak, avvising med vidare

Jordskifteretten skal leggje sakskostnader knytte til

- a) trekking av ei sak
- b) avvising av ei sak når vilkåra for saka ikkje er oppfylte, eller
- c) for seine krav eller opplysningar på dei som har valda kostnadene.

Utgift som omsynet til berre enkelte eigedommar eller berre ein part har valda, kan leggjast på vedkomande aleine.

### IV Kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp

#### § 7-8 Kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp

Med dei unntaka som går fram av § 7-9, skal kvar part bere sine egne kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp i sak etter kapittel 3 og 4.

### § 7-9 Erstatning for kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp

Om det blir sagt dom i tvist, gjeld tvisteloven kapittel 20 for erstatning for kostnader som er direkte knytte til tvistebehandlinga. Dersom tvistesummen er under 125 000 kr, gjeld tvisteloven § 10-5 første og andre ledd.

Når ei sak blir trekt eller blir avvist fordi formelle vilkår for å behandle saka ikkje er oppfylte, gjeld tvisteloven kapittel 20. Tvisteloven kapittel 20 gjeld òg ved trekking av krav om endra sakleg og geografisk avgrensing av saka og ved avvising av eit endringskrav.

### V Kostnader knytte til skjønn og andre avgjerder i samband med jordskifte, anke med meir

#### § 7-10 Kostnader med skjønn og andre avgjerder etter §§ 5-2 og 5-3

Lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker § 54 gjeld for kostnader med skjønn og andre avgjerder etter §§ 5-2 og 5-3 som råkar eigedom som ikkje er med i jordskifteområdet.

Kostnader etter første ledd skal delast etter § 3-28 mellom dei partane som er knytte til investeringstiltaket.

#### § 7-11 Kostnader med anke over jordskifteavgjerd

Den som ankar ei jordskifteavgjerd, skal bere kostnadene med ankebehandlinga. Dersom ankebehandlinga fører til ei monaleg endring i jordskiftet, skal lagmannsretten dele kostnadene med ankebehandlinga etter nytten kvar part får av det nye jordskiftet.

Dersom ei jordskifteavgjerd blir oppheva etter § 8-10 tredje ledd, skal den som ankar, betale kostnadene med ankebehandlinga på forskot. Dei forskotterte kostnadene med ankebehandlinga skal reknast som ein del av kostnadene med den nye jordskifteavgjerda.

Ved behandling av anke over jordskifteavgjerd skal kvar part bere sine egne kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp for lagmannsretten. Dersom lagmannsretten seier dom i tvist som ikkje har vore behandla i jordskifteretten, gjeld § 7-9 første ledd. Ved trekking av anke over jordskifteavgjerd og ved avvising av anke over jordskifteavgjerd gjeld § 7-9 andre ledd.

Ved anke over jordskifteavgjerd om utmåling av erstatning i tiltaksjordskifte og i vernejordskifte gjeld lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker § 54 a og 54 b.

### § 7-12 Kostnader ved gjenopning

Reglane i dette kapitlet gjeld for gjenopning med dei unntaka som går fram av andre og tredje ledd.

Den som krev gjenopning, skal betale seks gonger rettsgebyret. Gebyret skal setjast ned til to gonger rettsgebyret dersom gjenopningskravet blir avvist eller blir trekt før realitetsbehandling. Gebyret etter første punktum kjem i staden for inngangsgebyret etter § 7-2 dersom krav om gjenopning blir teke til følgje.

Jordskifteretten deler sakskostnadene mellom partane etter den nytta dei har av heile saka dersom krav om gjenopning blir teke til følgje. Det skal takast omsyn til kostnadsfordelinga i den tidlegare saka.

### VI Andre reglar

#### § 7-13 Forskott

Jordskifteretten kan krevje forskott frå rekvirenten i sak etter kapittel 3 og 4 for sakskostnader etter § 7-1. Når det er ført inn i rettsboka at behandlinga av eit jordskifte har teke til, kan retten krevje forskott frå alle partar til dekking av sakskostnader etter § 7-1. Ved forskott etter første og andre punktum, gjeld lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr § 3.

Jordskifteretten kan fastsetje at det skal reknast rente av innbetalte forskott.

#### § 7-14 Betalingsfrist

Pålagde forskott og sakskostnader forfell til betaling 14 dagar etter at den som kravet er retta mot, er gjort kjendt med pålegget om å betale. Jordskifteretten kan setje ein annan frist.

Dersom den som krev saka ikkje held betalingsfristen for inngangsgebyret etter § 7-2, for gebyret etter § 7-12 andre ledd første punktum eller for forskott etter § 7-13 første ledd første punktum, skal det reknast jamgodt med at sakskravet er trekt tilbake.

#### § 7-15 Statens erstatningsansvar

Ein part som er påført sakskostnader på grunn av feil ved saksbehandlinga til jordskifteretten, kan krevje erstatning frå staten etter tvisteloven § 20-12.

#### § 7-16 Panterett for pålagd kostnad eller yting

Ved tinglysing av utdrag av rettsboka etter § 6-31 første ledd i sak etter kapittel 3 og 4, blir kostnad eller yting som jordskifteretten legg på ein part sikra med panterett i matrikkeleininga

til parten. Verknaden av tinglysinga fell bort etter 10 år.

## Kapittel 8. Rettsmiddel med vidare

### § 8-1 Rettsmiddel og kva for prosessreglar som gjeld ved bruk av rettsmiddel

Avgjerd teken av jordskifteretten kan prøvast med anke til lagmannsretten.

Ved anke over dom, orskurd eller vedtak, gjeld reglane i tvisteloven.

Ved anke over jordskifteavgjerd etter § 6-23 gjeld reglane i kapittel 6 så langt dei høver. I tillegg gjeld tvisteloven slik det går fram av paragrafane i kapitlet her.

Ved anke over skjønn eller andre avgjerder tekne i medhald av §§ 5-1 til 5-3 gjeld reglane i tredje ledd.

Skjønn eller andre avgjerder tekne av jordskifteretten i eiga sak etter §§ 5-4 til 5-6, kan prøvast ved krav om overskjønn til lagmannsretten etter lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker.

Er det i same sak anka over fleire avgjerder etter § 6-23 samtidig, kan anken behandlast som ei sak for lagmannsretten. Førstelagmannen avgjer om anken skal behandlast som ei sak. Avgjerda kan ikkje ankast.

Avgjerd etter lova her kan gjenopnast etter § 8-14.

### § 8-2 Når avgjerd kan ankast, og utsett iverksetjing av jordskiftet

Med dei unntaka som denne paragrafen nemner, kan anke berre brukast når jordskifteretten har avgjort heile saka.

Ein orskurd kan ankast når han er avsagd.

Jordskifteretten kan gjere vedtak om at det kan ankast før heile saka er avgjort. Når dom gjeld eigedom eller bruksrett for ein som ikkje er godkjend som eigar eller bruksrettshavar i jordskifteområdet, skal slik avgjerd kunne ankast før heile saka er avgjort. Det same gjeld for nabo til jordskifteområdet. Tvisteloven § 29-3 tredje ledd gjeld for vedtak om å tillate anke før heile saka er avgjort.

Er det brukt rettsmiddel mot ei avgjerd, må iverksetjing av jordskiftet utsetjast til saka er rettskraftig avgjort.

### § 8-3 Frist for anke

Frist for anke er til vanleg ein månad, og følger elles tvisteloven § 29-5.

### § 8-4 Avkall på rett til å anke

Rett til å anke kan ein seie frå seg etter tvisteloven § 29-6. Dette gjeld alle avgjerder tekne etter reglane i lova her.

### § 8-5 Ankefråsegna

Ved anke over dom, orskurd, eller vedtak, skal ankefråsegna fylle krava i tvisteloven § 29-9.

Anke over jordskifteavgjerd skal setjast fram anten skriftleg eller munnleg etter reglane i tvisteloven § 12-1 for den jordskifteretten som har hatt saka. Anken skal oppgi

- a) namnet på ankesdomstolen
- b) saksnummer og kva avgjerd anken gjeld
- c) om anken gjeld heile avgjerda eller berre visse delar av henne
- d) ankegrunnane, der det skal stå kvifor ein ankar og kva ein vil med anken.

Når anken gjeld jordskifteavgjerd og det ikkje ligg føre særlege grunnar, skal alle som var partar i jordskiftesaka, bli partar i ankesaka òg.

### § 8-6 Saksførebuing i jordskifteretten

Ved anke over dom, orskurd, eller vedtak skal jordskifteretten førebu behandlinga av anken etter tvisteloven § 29-10.

Ved anke over jordskifteavgjerd skal jordskifteretten, dersom han ser at det er manglar ved anken eller at fristen kan ha gått ut, gi den ankande parten høve til å rette feilen etter tvisteloven §§ 16-5 og 16-6. Avgjerd om avvising eller oppfrisking skal takast av lagmannsretten etter tvisteloven § 29-10.

Anke over jordskifteavgjerd skal snarast råd forkynnast for dei partane det gjeld, med frist til å uttale seg om anken. Etter uttalefristen skal saka utan opphald sendast til lagmannsretten.

### § 8-7 Samansetjinga av lagmannsretten

Ved prøving av dom, orskurd eller vedtak skal lagmannsretten setjast saman etter domstoloven § 12.

Ved prøving av jordskifteavgjerd skal lagmannsretten setjast med ein jordskiftelagdommar og to oppnemnde jordskiftemeddommarar frå det utvalet som er nemnt i § 2-5. Om ein part krev det, avgjer førstelagmannen om lagmannsretten skal setjast med fire oppnemnde jordskiftemeddommarar. Førstelagmannen avgjer om lagmannsretten skal setjast med ein jordskiftelagdommar, ein lagdommar og ein eller tre oppnemnde jordskiftemeddommarar. Ved oppnemning av jordskiftemeddommarar gjeld § 2-7.

Er det anka over ulike avgjerder i same sak, og behandlinga av saka etter § 8-1 sjettede ledd er samla i ei sak for lagmannsretten, fastset førstelagmannen samansetjinga av retten. Dersom ei av dei anka avgjerdene er ei jordskifteavgjerd, skal jordskiftelagdommaren alltid delta ved behandlinga.

Førstelagmannen avgjer kven som skal vera saksførebuande dommar og leiar for retten.

Avgjerda førstelagmannen tek etter paragrafen her kan ikkje ankast.

#### § 8-8 *Nekting eller avvising av anken*

Anken kan avvisast, ankesaka kan hevast og ei anka avgjerd kan opphevast under saksførebuinga i lagmannsretten etter tvisteloven § 29-12 første ledd.

Ved anke over dom gjeld tvisteloven § 29-13.

Ved anke over jordskifteavgjerd kan lagmannsretten nekte å ta anken opp til behandling dersom retten finn det klart at anken ikkje vil føre fram. Tvisteloven § 29-13 andre ledd gjeld i slike høve.

Den saksførebuande dommaren kan ta avgjerd som einedommar etter tredje ledd i denne paragrafen, etter at partane har fått høve til å uttale seg.

Tvisteloven § 29-13 femte ledd gjeld så langt han høver for avgjerd etter tredje og fjerde ledd.

#### § 8-9 *Tilbakekalling av anke, nye fristar*

Om anken blir kalla tilbake, gjeld tvisteloven § 29-19.

Blir anken kalla tilbake, skal lagmannsretten endre fristar for iverksetjing etter § 3-36 om det trengst.

#### § 8-10 *Prøving av jordskifteavgjerd*

Lagmannsretten kan prøve alle sider av jordskifteavgjerda.

Fører anke over jordskifteavgjerd ikkje til endring, skal anken forkastast etter tvisteloven § 29-23 andre ledd.

Fører anke over jordskifteavgjerd til endring, skal lagmannsretten ta ei ny jordskifteavgjerd eller oppheve avgjerda etter tvisteloven §§ 29-23 tredje og fjerde ledd og 29-24.

Når lagmannsretten skal treffe ny jordskifteavgjerd, kan lagmannsretten òg trekkje inn dei delane av jordskifteavgjerda frå jordskifteretten som det ikkje er anka over, og gå så langt det er nødvendig for å fylle vilkåret i § 3-3.

Kjem det opp tvist om grenser, eigedomsrett, rettar eller anna som jordskifteretten ikkje

har avgjort endeleg, kan lagmannsretten avgjere tvisten om det trengst av omsyn til jordskiftet.

Tvisteloven § 29-3 andre ledd gjeld for avgjerd om å vise ei sak tilbake til jordskifteretten.

#### § 8-11 *Hjelp til teknisk arbeid*

Jordskifteretten skal gi teknisk hjelp når lagmannsretten ber om det i saker etter lova her.

Lagmannsretten kan fastsetje at jordskifteretten skal merkje av dei nye grensene som følger av ankebehandlinga.

#### § 8-12 *Frist for å setje i verk jordskiftet*

Lagmannsretten set nye fristar for å setje i verk jordskiftet. Dersom ny frist ikkje er gitt i ankeavgjerda, og ein part krev det, kan førstelagmannen gi nye fristar.

#### § 8-13 *Anke til Høgsterett*

Høgsterett er ankeinstans for avgjerder som er tekne av lagmannsretten etter reglane i denne lova. Tvisteloven kapittel 30 gjeld ved anke. Ei avgjerd som nemnd i § 8-1 tredje til fjerde ledd, kan berre ankast på grunn av feil ved rettsbruket eller den saksbehandlinga som ligg til grunn for avgjerda.

#### § 8-14 *Gjenopning*

Ei sak avgjord av jordskifteretten eller lagmannsretten etter lova her kan gjenopnast etter tvisteloven kapittel 31.

#### § 8-15 *Særlege vilkår ved gjenopning av jordskifteavgjerd*

Ei sak der det er teke jordskifteavgjerd, kan gjenopnast på dei vilkåra som er sette i tvisteloven kapittel 31, og dessutan når føresetnadene som er lagde til grunn for avgjerda, endrar seg slik at avgjerande tiltak i jordskifteløysinga ikkje kan gjennomførast og det er tvillaust at §§ 3-18 eller 3-19 ikkje er oppfylt for minst éin part.

Det kan ikkje krevjast slik gjenopning dersom fristen etter § 3-36 for gjennomføring av tiltaket er ute.

#### § 8-16 *Nærare om behandlinga av sak om gjenopning*

Krav om gjenopning av sak avgjord av jordskifteretten, skal rettast til ein jordskifterett med jordskiftesokn som grenser til domstolen som har teke avgjerda.

Gjenopningsdomstolen skal gjere dei endringane som trengst for å rette opp mishøvet. Gjeld endringa grenser og liknande der kostnadene

ikkje vil stå i rimeleg høve til det ein oppnår, kan endringar gjerast opp heilt eller delvis i pengar, skog eller andre verdiar.

Elles gjeld reglane om gjenopning i tvisteloven kapittel 31 så langt dei høver.

## Kapittel 9. Ymse reglar

### § 9-1 *Utbetaling av pengevederlag*

Pengevederlag for eigedom eller rett som det ligg hefte på, eller som er beslaglagd, må ikkje utbetalast til eigaren eller rettshavaren utan samtykke frå dei som har slikt hefte eller beslag.

Lov 17. februar 1939 nr. 2 om deponering i gjeldshøve gjeld tilsvarande for deponering av pengevederlag som ikkje kan utbetalast etter første ledd.

### § 9-2 *Skyldnader knytte til eigedom som er med i jordskifte*

Ein skyldnad som ligg på ein eigedom for anlegg som er sett i verk med offentlig tilskott, som for eksempel skogplantings-, senkings-, uttappings- eller førebyggingsarbeid, skal følgje det grunnstykket skyldnaden har samanheng med, om det let seg gjere utan avgjerande ulempe for det som er formålet med jordskiftet. Det same gjeld skyldnad til å halde ved like andre anlegg som for eksempel gravplassar.

### § 9-3 *Meldeplikt etter kulturminnelova*

Medan jordskiftet blir halde, har jordskiftedommaren meldeplikt etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner, ved sida av eigar og brukar.

### § 9-4 *Fordeling av skogfond*

Jordskifteretten kan fordele inneståande skogfondmidlar ved ny utforming av eigedom etter § 3-4, ved oppløysing av sameige etter § 3-6 og ved deling av eigedom etter § 3-7. Fordelinga skal leggast fram for skogbruksmyndigheita til uttale.

Skogbruksmyndigheita skal gi jordskifteretten innsyn i saldo for skogfondregnskapet for dei aktuelle partane.

### § 9-5 *Iverksetjing*

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Samstundes held lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte opp å gjelde.

### § 9-6 *Overgangsreglar*

Saker som er til behandling i jordskifterettane når lova her tek til å gjelde, skal behandlast

ferdig etter lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte.

Anke som er innlevert før lova her tek til å gjelde, men som ikkje er behandla ferdig og avgjort, skal behandlast av lagmannsretten, og med lagmannsretten samansett etter § 8-7. Lagmannsretten skal leggje lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte til grunn for prøving av saksbehandling og materielle tilhøve.

### § 9-7 *Endringar i andre lover*

Når lova tek til å gjelde, skal det gjerast desse endringane i andre lover:

1. I lov 13. august 1915 nr. 5 om domstolene skal det gjerast slike endringar:

§ 10 første ledd skal lyde:

Lagmannsrettene skal ha en førstelagmann som leder og så mange lagmenn, lagdommere og jordskiftelagdommere som til enhver tid er bestemt.

§ 10 andre ledd nytt tredje punktum skal lyde:

*Dette gjelder også for jordskiftelagdommere.*

Nåværende tredje og fjerde punktum blir fjerde og femte punktum.

§ 12 nytt andre ledd skal lyde:

*Førstelagmannen kan i sak som er anket fra jordskifterett, beslutte at en av de tre dommerne nevnt i første ledd, skal være jordskiftelagdommer. Også i andre saker som gjelder bruks- eller eiendomsrett til fast eiendom, kan førstelagmannen beslutte tilsvarende sammensetning av retten. Førstelagmannens beslutning etter første og annet punktum kan ikke ankes.*

§ 12 andre og tredje ledd blir nye tredje og fjerde ledd.

§ 14 skal lyde:

I straffesaker settes lagmannsretten med lagrette eller med meddommere og i sivile saker med meddommere i de tilfælde, som *straffeprosessloven, tvisteloven og jordskiftelova* bestemmer.

§ 15 første ledd nytt tredje punktum skal lyde:

*Det samme må jordskiftelagdommeren ved ankebehandling av jordskifteavgjerd.*

§ 25 nytt femte ledd skal lyde:

*Dersom ikke staten stiller rettslokale til rådighet for jordskifteretten, skal vedkommende kommune*



eller kommuner skaffe rettslokale. Andre til fjerde ledd gjelder tilsvarende for lokaler jordskifteretten bruker til rettsmøter.

§ 33 a første ledd andre punktum skal lyde:

Kongen oppnevner tre dommere, en *jordskiftedommer*, en representant fra de øvrige tilsatte i domstolene og to advokater til styret, og Stortinget velger to medlemmer.

§ 54 andre ledd nytt andre punktum skal lyde:

*Jordskiftedommere og jordskiftelagdommere må ha fylt 25 år og ha jordskiftefaglig utdanning på mastergradsnivå med fagkrets fastsatt etter jordskiftelova § 2-4.*

§ 54 tredje ledd nytt andre punktum skal lyde:

*Jordskiftedommerfullmektiger må ha fylt 21 år og ha jordskiftefaglig utdanning på mastergradsnivå med fagkrets fastsatt etter jordskiftelova § 2-4.*

§ 55 første ledd skal lyde:

Dommere til Høyesterett, lagmannsrettene, tingrettene og jordskifterettene utnevnes som embetsmenn av Kongen etter Grunnloven § 21.

§ 55 a første ledd tredje punktum skal lyde:

Når Innstillingsrådet behandler saker som gjelder utnevning eller konstitusjon av *jordskiftelagdommere* og *jordskiftedommere*, deltar en *jordskiftelagdommer* eller en *jordskiftedommer* og en *jordskiftetekandidat* i stedet for henholdsvis en dommer og juristen ansatt i det offentlige.

§ 55 b andre ledd andre punktum skal lyde:

Til *dommerembeter* i tingretten, i lagmannsretten og i *jordskifteretten* gir domstollederen skriftlig uttalelse.

§ 55 d skal lyde:

Midlertidige dommere til Høyesterett, lagmannsrettene, *tingrettene* og *jordskifterettene* kan bare konstitueres eller tilsettes i de tilfeller som er nevnt i §§ 55 e til 55 g.

§ 55 e første ledd siste punktum skal lyde:

Konstitusjon av dommer *til jordskifterett* kan skje for inntil fire år.

§ 55 e andre ledd første punktum skal lyde:

En dommer eller en pensjonert dommer, med unntak av *jordskiftelagdommer* og *dommer* i *jordskifterettene*, kan likevel alltid konstitueres ved en annen domstol for å foreta vigsler.

§ 55 g skal lyde:

Dommerfullmektiger tilsettes for inntil to år av domstollederen.

*Jordskiftedommerfullmektiger tilsettes for inntil tre år.*

Domstollederen kan forlenge dommerfullmektigens tjeneste, men samlet tjeneste kan ikke overstige tre år. *Jordskifterettslederen kan forlenge jordskiftedommerfullmektigens tjeneste, men samlet tjeneste kan ikke overstige fire år.* Departementet kan fastsette unntak fra varigheten av dommerfullmektigens og *jordskiftedommerfullmektigens* funksjonstid.

Departementet kan gi nærmere bestemmelser om tilsetting av dommerfullmektiger og *jordskiftedommerfullmektiger*.

§ 55 h første punktum skal lyde:

En midlertidig dommer, herunder dommerfullmektig og *jordskiftedommerfullmektig*, kan ikke sies opp eller forflyttes mot sin vilje og kan bare avskjediges etter rettergang og dom i den perioden konstitusjonen eller tilsettingen gjelder for.

Ny § 62 a skal lyde:

*Lagmannsrettene skal ha jordskifteteknisk personale.*

§ 109 nytt annet punktum skal lyde:

*Det samme gjelder i forholdet mellom jordskiftedommer og jordskiftedommerfullmektig.*

§ 121 b skal lyde:

En dommer i Høyesterett, lagmannsrettene, *tingrettene* og *jordskifterettene* kan ikke utøve rettshjelp til stadighet eller mot vederlag.

§ 121 c første ledd innleiinga skal lyde:

En dommer i Høyesterett, lagmannsrettene, *tingrettene* og *jordskifterettene* må søke om godkjenning for sidegjøremål

§ 121 e første ledd første punktum skal lyde:

Sidegjøremål for dommere i Høyesterett, lagmannsrettene, *tingrettene* og *jordskifterettene* skal registreres.

§ 235 første ledd tredje punktum skal lyde:

Når Tilsynsutvalget behandler saker som gjelder en *jordskiftelagdommer* eller en *jordskiftedommer*, deltar en *jordskiftelagdommer* eller *jordskiftedommer* i stedet for en dommer.

§ 236 første ledd skal lyde:

Tilsynsutvalget kan treffe vedtak om disiplinnærtiltak når en dommer i Høyesterett, lagmannsretten, *tingretten* eller jordskifteretten forsettlig eller uaktsomt overtrer de plikter som stillingen medfører, eller for øvrig opptrer i strid med god dommerskikk.

§ 241 nytt tredje ledd skal lyde:

*Dette gjelder på tilsvarende måte når denne eller annen lov krever jordskiftefaglig utdanning på mastergradsnivå.*

2. I lov 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast eigedom skal det gjerast slike endringar:

§ 30 nr. 21 skal lyde:

*21. Lov ... nr. ... om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova)*

3. I lov 5. mai 1961 om grannegjerde skal det gjerast slike endringar:

Overskrifta Gjerdeskjøn. skal lyde:

*Avgjerd om gjerdehald.*

§ 5 tredje punktum skal lyde:

Tvist etter denne paragrafen kan avgjerast *av jordskifteretten*.

§ 8 første ledd andre punktum skal lyde:

Fell det då urimeleg mykje av gjerdehaldsskyldnaden på ein av grannane etter den nytta han har av gjerdet, kan gjerdehaldsskyldnaden delast mellom deim *av jordskifteretten*.

§ 9 andre punktum skal lyde:

Der lende, grindhald eller andre tilhøve gjer gjerdehaldet dyrare på det eine stykket enn på det andre, skal skilnaden jamnast ut med avstyting i lengda eller på annan måte som *jordskifteretten* fastset.

§ 10 første ledd skal lyde:

Der det er tenlegast så, kan *jordskifteretten* taka avgjerd om at grannane skal ha heile eller noko av gjerdehaldet i lag eller at den eine skal ha det heile åleine mot at den andre yter honom tilskot som *jordskifteretten* fastset.

§ 14 skal lyde:

*Jordskifteretten avgjer spørsmål om gjerdehald i samband med sak for jordskifterett, eller som eiga*

*sak. Jordskiftelova § 5-7 gjeld for behandlinga i jordskifteretten av saker etter lova her.*

I spørsmål om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling kan ny avgjerd krevjast når minst 15 år er gått. Det same gjeld etter eigedomsdeling og etter andre serlege omskifte i dei tilhøva som låg til grunn for avgjerda.

§ 15 første ledd første punktum skal lyde:

Kjem *jordskifteretten* til at der er skyldnad til å halde gjerde, tek *jordskifteretten* turvande avgjerder om korleis gjerdet skal vera, og kva tid det seinast skal bli sett i lovleg stand.

§ 16 skal lyde:

*Kostnaden ved avgjerd om gjerdehald etter §§ 7 og 8 ber partane i høve til den nytta kvar av dei har av gjerde, såframt ikkje jordskifteretten finn grunn til ei anna deling. Om kostnaden elles, gjeld det som er fastsett i tvisteloven kapittel 20.*

§ 17 første ledd første og andre punktum skal lyde:

*Avgjerdene jordskifteretten tek er tvangsgrunnlag på same måte som orskurder. Klagen har ikkje utsetjande verknad om ikkje jordskifteretten vedtek noko anna.*

§ 17 andre ledd tredje punktum skal lyde:

Er det ikkje tvangsgrunnlag frå før, kan tvist om kostnadsspørsmålet avgjerast *av jordskifteretten* når arbeidet er gjort.

4. I lov 16. juni 1961 nr. 12 om ymse beitespørsmål

§ 11 første ledd skal lyde:

Vert det tvist om krav etter § 7 eller § 9, kan kvar av partane krevje at *jordskifteretten skal avgjere spørsmålet. Jordskiftelova § 5-7 gjeld for behandlinga i jordskifteretten av saker etter lova her.*

§ 11 andre og tredje ledd skal lyde:

Kostnaden *ved avgjerda* ber eigaren eller innehavaren så framt *jordskifteretten* ikkje finn grunn til ei anna deling.

Pengesummar nokon har krav på etter *avgjerd* i medhald av denne paragrafen kan søkjast inn etter dei reglar som gjeld om fullføring av domar.

§ 14 andre ledd første punktum skal lyde:

Den som har beiterett og som vert råka av forbodet i denne paragrafen, kan krevja retten sin avløyst av *jordskifteretten*.

5. I lov 21. juni 1963 nr. 23 om vegar skal det gjerast slike endringar:

§ 53 første ledd første og andre punktum skal lyde:

*Jordskifteretten kan gjere vedtak om eigedomsinn- grep til bygging, utbetring, vedlikehald og drift av privat veg, her òg gangstig, kløvvveg og lik- nande, mot vederlag til den det råkar, dersom det må reknast for klårt at inngrepet vil vere meir til gagn enn skade. På same måte og vilkår kan jordskifteretten òg gi rett til å bruke veg som alt ligg der.*

§ 53 tredje ledd første, andre og tredje punktum skal lyde:

*Jordskifteretten tar avgjerd om kva inngrepet skal gå ut på, kor langt det skal gå, og kva for vilkår som i tilfelle skal settast for inngrepet. Jordskifte- retten kan fastsette at vederlag for bruksrett til veg som alt ligg der, skal omfatte ein forholds- messig part av utgiftene til anlegg og vedlike- hald av vegen. Sak for jordskifterett til fastsetting av slikt vederlag kan krevjast av baa partane.*

§ 53 fjerde ledd første og andre punktum skal lyde:

I det mon eigedomsinngrepet gjeld bruksrett eller annan særleg rett, og det er fastsett årleg vederlag, kan partane etter fem år krevje *ny behandling av vederlaget*, korleis inngrepet skal vere og kor langt det skal gå og andre vilkår *for jordskifteretten*. Under dei same føresetnader kan eigar eller brukar av den tenande eigedomen også krevje at *jordskifteretten avgjer* om inngrepet i det heile skal stå ved lag.

§ 54 tredje ledd skal lyde:

Bli dei interesserte ikkje samde om korleis plikta til vedlikehald eller utbetring skal forde- last, kan kvar av dei krevje at desse spørsmåla skal avgjerast av *jordskifteretten*.

§ 54 fjerde ledd skal lyde:

Er slik avgjerd og avgjerd etter § 53 tredje ledd teke etter reglar i § 55, må *krav om avgjerd vere sett fram* innan tre månader etter at mottaka- ren fekk melding om avgjerda eller kunne ha gjort seg kjent med ho og om fristen.

§ 54 femte ledd skal lyde:

Når fem år er gått sidan bindande avgjerd er tatt etter reglane i § 55 eller *av jordskifteretten*, kan dei interesserte eller veglaget krevje ny avgjerd *av veglaget* eller *av jordskifteretten*.

§ 55 andre ledd tredje punktum skal lyde:

I mangel av semje om slik fordeling skal vegla- get leggje si avgjerd i saka fram til endeleg avgjerd for *jordskifteretten* etter § 54 tredje ledd.

§ 55 tredje ledd fjerde punktum skal lyde:

Veglaget har tilsynet med at pliktene blir stetta slik som fastsett av veglaget, *jordskifteretten* eller på anna vis.

§ 60 første ledd skal lyde:

*Med unntak av skjønn som nemnt i andre ledd, skal skjønn etter denne lova haldast som rettslege skjønn etter skjønnslova.*

§ 60 andre ledd opphevast.

§ 60 nytt andre ledd skal lyde:

*Jordskifteretten tek avgjerder og held skjønn etter kapittel VII. Dette gjeld avgjerder og skjønn i sam- band med sak for jordskifterett og avgjerder og skjønn som eiga sak. Jordskiftelova § 5-7 gjeld for behand- lina i jordskifteretten av saker etter lova her.*

6. I lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker skal det gjerast slike endringar:

§ 4 første ledd bokstav b skal lyde:

b) saker som forvaltningsorganet selv behand- ler eller avgjør i medhold av rettspleielovene (straffeprosesslovene, domstolloven, tviste- loven, voldgiftsloven, tvangsfullbyrdelseslo- ven, skjønnsloven) eller lover som knytter seg til disse lovene (konkursloven, skiftelo- ven og gjeldsordningsloven), eller *jordskifte- lova* eller rettsgebyrloven.

7. I Lov 29. november 1968 um særlege råderet- tar over framand eigedom skal det gjerast slike endringar:

§ 6 andre ledd første punktum skal lyde:

I slike høve skal den som krev omskipinga, svara mellomlag i jord, rettar eller *pengar*.

§ 7 andre ledd første punktum skal lyde:

I slike høve skal eigaren, svara vederlag i jord, rettar eller *pengar*.

Overskrifta Skjøn. blir endra til *Avgjerd om omskiping, avskipping eller utvising.*

§ 18 skal lyde:

*Jordskifteretten tek avgjerder etter §§ 5 til 7 og § 13 i saker i samband med sak for jordskifterett og som eiga sak. Jordskiftelova § 5-7 gjeld for behandlinga i jordskifteretten av saker etter lova her.*

Når retten er omskipa i avgjerd etter §§ 5 eller 6, kan om- eller avskipping etter denne lova ikkje krevjast før minst 20 år har gått, eller nye tilhøve gjev rimeleg grunn til det. Det same gjeld når om- eller avskipping er nekta i realitetsavgjerd etter lova her.

§ 19 skal lyde:

Når partane er samde om det, utfører jordskifteretten nødvendig oppmålingsarbeid som del av saka. *Jordskiftelova §§ 6-29, 7-1 andre ledd og 8-1 gjeld tilsvarande.*

Kostnaden ved *avgjerd i jordskifteretten* etter denne lova skal leggjast på den parten som krev *avgjerd*, når ikkje *jordskifteretten* finn grunn til anna. Er omskipnaden til gagn for baa partar, kan kostnaden delast med ein høveleg sum på kvar.

8. I lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten skal det gjerast slike endringar:

§ 16 tredje ledd andre og tredje punktum opphevast.

§ 16 femte ledd opphevast.

§ 32 første ledd andre punktum opphevast.

9. I lov 6. juni 1975 nr. 31 om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane skal det gjerast slike endringar:

§ 16 andre ledd skal lyde:

*Jordskifteretten kan ordne beitebruken når fjellstyret har gjort vedtak om beiteordning etter første ledd, og nokon beiterettshavar som denne ordninga vedkjem, har kravt saka inn for jordskifteretten innan 6 månader.*

10. I lov 12. desember 1975 nr. 59 om dokumentavgift skal det gjerast slike endringar:

§ 7 femte ledd andre punktum skal lyde:

Denne regel gjelder også ved jordskifte etter *lov ... nr ... om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettsforhold på fast eigedom m.m. (jordskiftelova).*

11. I lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr skal det gjerast slike endringar:

§ 22 første ledd nr. 9 skal lyde:

9. melding eller utdrag av rettsboken etter *jordskiftelova § 6-31* og skjøte som inngår som del av jordskiftet og dette bekrefte av jordskifteretten i skjøtet.

12. I lov 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v. skal det gjerast slike endringar:

§ 25 åttande ledd skal lyde:

For gjennomføring av felles organisering kan bruksordning kreves etter *jordskiftelova*. Departementet kan kreve bruksordning etter *jordskiftelova § 3-8* når ingen av partene vil kreve det eller resultatet av minnelig ordning ikke er hensiktsmessig.

13. I lov 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenninger skal det gjerast slike endringar:

*§ 1-4 (jordskifte) skal lyde:*

Bygdeallmenning kan inngå i slikt jordskifte som omhandlet i *jordskiftelova §§ 3-4 og 3-9.*

*Jordskifteretten kan ordne beiteforhold i bygdeallmenning dersom styret for allmenningen først har gjennomført beiteordning der, og innehaver av beiteretten har krevet sak inn for jordskifteretten innen seks månader.*

*Jordskifteretten kan fastsette grenser mellom statsallmenning og bygdeallmenning, mellom bygdeallmenninger og mellom bygdeallmenning og annen tilstøtende eiendom. Jordskiftelova § 4-2 gjelder tilsvarende for fastsetting av grensene.*

For øvrig får *jordskiftelovas* bestemmelser ikke anvendelse på bygdeallmenninger.

§ 6-3 andre ledd første punktum skal lyde:

Beiteordning som er fastsatt av jordskifteretten etter *§ 1-4 annet ledd*, skal allmenningsstyret besørge inntatt i bruksreglene for allmenningen.

14. I lov 19. juni 1992 nr. 60 om skogsdrift m.v. i statsallmenningene skal det gjerast slike endringar:

*§ 4-2 (jordskifte) skal lyde:*

Statsallmenning kan inngå i slikt jordskifte som omhandlet i *jordskiftelova §§ 3-4 og 3-9.*

*Jordskifteretten kan fastsette grenser mellom statsallmenning og bygdeallmenning, mellom stats-*

*allmenninger og mellom statsallmenning og annen tilstøtende eiendom. Jordskiftelova § 4-2 gjelder tilsvarende for fastsetting av grensene.*

For øvrig får *jordskiftelovas* bestemmelser ikke anvendelse på statsallmenninger.

Krav om jordskifte som nevnt i første ledd, eller om *grensefastsetting* etter annet ledd, kan fremsettes av departementet, av allmenningsstyret og av fjellstyret.

15. I lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord skal det gjerast slike endringar:

§ 10 tredje punktum skal lyde:

Dersom ein bruksrettshavar til torvuttak meiner føresegnene fører med seg at retten hans vert minka urimeleg mykje, kan han leggje spørsmålet om endring i brukstilhøva fram for jordskifteretten, jf. *jordskiftelova § 3-8*.

§ 12 femte ledd nytt tredje punktum skal lyde:

*Andre punktum gjeld ikkje når jordskifteretten deler ein eigedom etter jordskiftelova § 3-7.*

Jordlova III åttande ledd opphevast.

16. I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt skal det gjerast slike endringar:

§ 9-2 tredje ledd bokstav g skal lyde:

g. jordskifte etter *jordskiftelova*

17. I lov 24. november 2000 nr. 8 om vassdrag og grunnvann skal det gjerast slike endringar:

§ 31 tredje ledd bokstav c skal lyde:

*av jordskifteretten etter begjæring fra en deltaker eller etter henvisning fra vassdragsmyndigheten.*

18. I lov 20. mai 2005 nr. 28 om straff skal det gjerast slike endringar:

§ 412 nr. 101 opphevast.

19. I lov 17. juni 2005 nr. 85 om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressurser i Finnmark fylke skal det gjerast slike endringar:

§ 45 overskrifta skal lyde:

*Grensemerking m.m. og tinglysing*

§ 45 første ledd skal lyde:

Rettskraftige dommer fra utmarksdomstolen samt erklæringer og avtaler som er avgitt

eller inngått i samsvar med Finnmarkskommisjonens konklusjoner, kan bringes inn for *jordskifteretten* som gjennomfører grensemerking i terrenget, koordinatfesting og kartlegging av grensene i samsvar med dommen, erklæringen eller avtalen. *Saksbehandlingsreglene i jordskiftelova gjelder så langt de passer.* Jordskifteretten settes uten *jordskiftemeddommere*. Det skal ikke betales *gebyr etter jordskiftelova §§ 7-2 til 7-4*. *Partene* skal heller ikke betale for kostnadene ved grensemerking, koordinatfesting og kartlegging av grensene. For tinglysing *gjelder jordskiftelova § 6-31*.

20. I lov 17. juni 2005 nr. 101 om eigedomsregistrering skal det gjerast slike endringar:

§ 24 sjette ledd opphevast

§ 24 sjuande ledd blir nytt sjette ledd

21. I lov 15. juni 2007 nr. 40 om reindrift skal det gjerast slike endringar:

§ 8 tredje ledd skal lyde:

Dersom eiere og brukere som rår over den største delen av et fjellområde som er høvelig til tamreindrift, ønsker området disponert til slik virksomhet, men hindres i dette av enkelte grunneiere som ikke vil være med, kan bestemmelsene om *felles tiltak i jordskiftelovas § 3-9* brukes tilsvarende.

§ 21 andre ledd andre punktum skal lyde:

Kan ikke partene bli enige om at forutsetningene for å kreve utvisning av tomt er til stede, eller om stedsvalg, størrelse og avgrensing, vilkår og vederlag, avgjøres dette *av jordskifteretten*.

§ 22 andre ledd andre punktum skal lyde:

Eventuell skade som følge av omlegging av flyttlei eller åpning av ny flyttlei erstattes etter *avgjørelse* ved jordskifteretten.

§ 24 andre ledd tredje punktum skal lyde:

Hvis ikke grunneieren og eventuelle bruksberettigede gir sitt samtykke, kan departementet gi tillatelse til utføring av anlegget mot vederlag *fastsatt av jordskifteretten* for skade og ulempe.

§ 25 tredje ledd tredje punktum skal lyde:

Oppnås ikke enighet om betalingen, kan beløpets størrelse kreves *fastsatt ved jordskifteretten*.

§ 63 tredje ledd skal lyde:

Spørsmål om tiltak kommer i strid med første ledd, kan avgjøres på forhånd av jordskifteretten. *Jordskifteretten* kan også avgjøre hvordan og på hvilke vilkår tiltaket kan gjennomføres. *Krav for jordskifteretten kan fremmes* av den som akter å sette et tiltak i verk eller av distriktsstyret ved lederen. Er distriktsstyre ikke opprettet, kan *krav fremmes* av reindriftsutøver i distrikt som vil bli berørt av tiltaket.

§ 69 overskrifta skal lyde:

*Gjerder til støtte for reineierens driveplikt og sikring mot erstatningsansvar*

§ 69 første ledd første punktum skal lyde:

I et reinbeitedistrikt kan så vel distriktsstyret som den enkelte reineier i mangel av minnelig overenskomst få avgjort ved *jordskifteretten* om reineieren skal ha adgang til å føre opp gjerde til støtte for sin driveplikt og sikring mot erstatningsansvar.

§ 69 andre ledd skal lyde:

På samme måte kan en grunneier kreve avgjort ved *jordskifteretten* om noen del av utgiftene ved oppføring av gjerde som nevnt i § 19 og § 68 annet ledd bør utliknes på reineierne.

§ 70 første ledd blir ny § 70 som skal lyde:

§ 70 *Skade voldt av rein*

I mangel av enighet som er bekreftet skriftlig av reineieren eller av distriktsstyret ved lederen, avgjøres krav om erstatning for skade voldt av rein ved skjønn ved jordskifteretten eller tingretten.

I kapittel 9 skal ny § 70 a lyde:

§ 70 a *Saksbehandlingen av erstatningskrav*

Krav om skjønn etter § 70 bør framsettes snarest mulig. I kravet om skjønn skal det gis så vidt mulig nøyaktige opplysninger om tid og sted for skadeforvoldelsen, skadens art og omfang og erstatningskravet størrelse. Det bør så vidt mulig gis opplysninger som kan ha

betydning for å fastslå hvem som eier den reien som har gjort skaden. Eventuelle vitner og bevis bør også oppgis.

Rettens leder skal snarest mulig foreta befarings etter at krav om skjønn er innkommet. Med på befaringsen skal være representant fra vedkommende kommune og reindriftsetaten for å bistå rettens leder med faglige vurderinger. Om mulig skal også lederen i vedkommende reinbeitedistrikt være med, foruten den som har krevd skjønn. Er det åpenbart at det ikke er skjedd noen skade voldt av reien, kan rettens leder avvise kravet om skjønn av eget tiltak.

Skjønnet skal fremmes så snart som mulig. Gjelder det skade voldt av rein som antas å høre hjemme i reinbeitedistrikt, skal distriktsstyret ved lederen alltid innkalles til skjønnet.

Skjønnsstyret kan på ethvert trinn av saksbehandlingen forsøke megling med sikte på en minnelig ordning.

Skjønnet skal vurdere om skaden er voldt av rein og er av en slik art at den kan kreves erstattet og i tilfelle taksere skaden og fastsette erstatningsbeløpet.

I kapittel 9 skal ny § 70 b lyde:

§ 70 b *Forholdet til jordskiftelova*

*Saker jordskifteretten behandler med hjemmel i loven her, skal følge reglene i jordskiftelova § 5-7. I tillegg gjelder reglene i § 70 a for saker jordskifteretten behandler etter § 70.*

22. I lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling skal det gjerast slike endringar:

§ 12-7 nr. 13 skal lyde

13. krav om fordeling av *planskapt netto verdiøkning* ved ulike felles tiltak innenfor en *nærmere bestemt del av planområdet* i henhold til jordskifteloven § 3-30,

23. lov 26. mars 2010 nr. 9 om vergemål skal det gjerast slike endringar:

§ 39 første ledd bokstav e skal lyde:

e) å kreve sak etter jordskiftelova,

Offentlege institusjonar kan tinge fleire  
eksemplar frå:  
Servicesenteret for departementa  
Internett: [www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)  
E-post: [publikasjonsbestilling@dss.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@dss.dep.no)  
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og  
pris får ein hjå:  
Fagbokforlaget  
Postboks 6050, Postterminalen  
5892 Bergen  
E-post: [offpub@fagbokforlaget.no](mailto:offpub@fagbokforlaget.no)  
Telefon: 55 38 66 00  
Faks: 55 38 66 01  
[www.fagbokforlaget.no/offpub](http://www.fagbokforlaget.no/offpub)

Publikasjonen er også tilgjengeleg på  
[www.regjeringa.no](http://www.regjeringa.no)

Trykk: 07 Aurskog AS 03/2013

